

**«...alle the knaber ther inde
och sædescwenne...»**

Ei undersøking i den sosiale samansetjinga av den jordeigande eliten på Vestlandet i mellomalderen

av Jo Rune Ugulen



Avhandling for graden Philosophiae Doctor (PhD)
ved Universitetet i Bergen 2006

Lett revidert utgåve, 2008

Føreord

Det er mange som bør takkast i samband med arbeidet med denne avhandlinga, men dei som likevel skal ha aller mest takk, er dei som ikkje direkte har ytt så mykje til det som har vorte skriva, men derimot ytt meir enn ein kunne venta med omsyn til å gjera det mogleg å skriva, nemleg familien min. Ikkje minst har kona mi, Anne Marie, teke det aller meste av støyten på heimefronten medan eg har site framfor tastaturet eller lese bøker og artiklar på kontoret mitt i Villaveien. Saman med barna våre, Brita og Brage, har ho også vore lyspunktet i tilværet mitt når det har gått som tråast med skrivinga. Og *det* set eg høgare enn noko anna.

Ei særskilt takk går også til rettleiarane mine for å ha nytta både pisk og gulrot (i overført tyding) når det har vore trong for det. Professor Sverre Bagge ved Senter for mellomalderstudiar (CMS), Universitetet i Bergen, har vore hovudrettleiareren min, medan førstearkivar Tor Weidling ved Riksarkivet i Oslo har vore birettlar. Begge desse skal ha mykje av æra for at eg har kome i mål.

Fag- og arbeidsmiljøet ved CMS, arbeidsplassen min dei siste tre åra, har også hatt mykje å seia for at det har vore mogleg å fullføra avhandlingsarbeidet på normert tid. Det tverrfaglege så vel som internasjonale miljøet (bergensarar, omegningar, vossingar, og andre folkeslag) ved CMS har også bidrege mykje til avhandlingsarbeidet, gjennom konstruktive innspel på manuskriptseminar, gjennom svar på tallause spørsmål, gjennom faglege og mindre faglege diskusjonar av ulik art, og som luftekanal for frustrasjonar av ymse slag. Vårsesongen til Brann i 2006 gjorde også sitt til at den avsluttande fasen i arbeidet gjekk lettare, både for meg personleg, og for den generelle trivselen ved CMS. Dei få ved CMS som ikkje er Brann-supportarar kan eg tenkja meg anten har hatt det svært tungt (utan at det medfører noko som helst form for sympati), eller har rett og slett konvertert. Kanselliet ved CMS, under det myndige leiarskapet til Kirsten Moen, fortener ei særskilt takk, ikkje minst for selskap ved det som etter kvart må ha kome opp i tusenvis av røyke- og kaffipauser, men også for sine sær gode administrative evner.

Men ikkje berre CMS har stått for seminar der eg har fått høve til å leggja fram delar av manuskriptet mitt, og fått innspel og kommentarar til det. Historisk institutt ved Universitetet i Bergen har også arrangert seminar av denne viktige typen som eg har fått høve til å delta på. Og i slutfasen av arbeidet var det både kjekt og nyttig å få høve til å leggja fram ein ekstremkortversjon

av avhandlinga på eit instituttseminar ved Institutt for historie og klassiske fag ved NTNU i Trondheim.

Ut over dette er det svært mange som fortener ei takk for ymse hjelp. Særskilt vil eg nemna Erik Opsahl, Lars Løberg og Geirr I. Leistad som har lese delar av manuskriptet under vegs i arbeidet, og kome med mange kommentarar og innspel til forbetringar. Det same gjeld postdoktorstipendiat Leidulf Melve og doktorgradsstipendiat Sigbjørn Sønnesyn ved CMS. Noko har eg teke omsyn til, anna ikkje. Ei særskilt takk går også til Kjeldeskriftavdelinga ved Riksarkivet som har gjeve meg tilgjenge til både manuskriptet til det enno ikkje utgjevne band 23 av *Diplomatarium Norvegicum*, løyve til å skanna mange av seglteikningane som er attgjevne i avhandlinga, og ikkje minst tilgjenge til det databaserte namneregisteret til heile *DN*. Utan det siste ville det vore vanskeleg å gjennomføra arbeidet på den tida eg har hatt til rådvelde. Universitetsbiblioteket i Bergen skal også ha mykje takk for ein enorm innsats med å få tak i bøker, artiklar og annan litteratur frå alle verdshjørner. Utan eit godt bibliotek er det uråd å driva forskning. Det er sjølvsagt mange fleire som fortener å verta takka, og eg rettar med dette mykje takksemnd og varme tankar til dykk alle. De veit sjølve kven de er, og når eg ikkje nemner fleire namn her, gløymer eg heller ingen av dykk.

Tittelen på avhandlinga er henta frå eit brev skriva av Vincens Lunge i 1532 (*DN IX*, nr. 694).

Bergen, måndagen før Vitusmessedagen 2006

Jo Rune Ugulen

Føreord til den reviderte utgåva

Denne utgåva er ei lett revidert utgåve av den avhandlinga som eg disputerte på i Bergen den 9. februar 2007. Det som i hovudsak er retta opp i er reine faktafeil og trykkfeil som hadde sneke seg inn her og der, og som no er færre enn kva tilfellet var i den førre utgåva. Heilt kvitt dei har eg likevel neppe vorte. Eg vil samstundes nytta høve til å takka opponentane mine på disputasen, professor Lars Ivar Hansen frå Universitetet i Tromsø, og professor Thomas Lindkvist frå Göteborgs Universitet, for deira mange gode og konstruktive innspel i opposisjonsinnlegga. Dessutan har formannen i kommisjonen, førsteamanuensis Geir Atle Erslund frå Universitetet i Bergen, kome med ei rekkje innspel til forbetringar. Eg vil retta ei takk til alle tre, men må på same tid innrømme at eg ikkje har fått høve til å innarbeida ein del av kommentarane som eg fekk både under og etter disputasen. Tida har simpelthen ikkje strekt til, og dessutan har eg vurdert det slik at ein ekstensiv revisjon fort ville ført til at det vart eit nytt verk, snarare enn ein revisjon av eit eldre. Tanken bak denne utgåva er dermed å gjera tilgjengeleg ei feilretta, og med det også betre avhandling, og såleis ikkje å retta opp alt det som det var diskusjon rundt under disputasen. Det får koma ved andre høve.

Tromsø, september 2008

Jo Rune Ugulen

Innholdsforteikning

Føreord	i
Føreord til den reviderte utgåva	.iii
Innholdsforteikning	v
Liste over figurar	.ix
Liste over kart	xv
Liste over tabellar	xvii
Liste over slektstavler	.xix
Forkortingar	.xxi
Kjelder, litteratur og andre vanlege forkortingar	xxi
Teiknforklaringar	xxiv
Forkortingar av kommunenamn (etter inndelinga i NG)	xxiv
1 Innleiing	1
1.1 Problemstilling, avgrensing og oppbygging	1
1.1.1 Problemstilling	2
1.1.2 Avgrensing	4
1.1.3 Oppbygging	4
1.2 Kva er eigedom?	6
1.3 Bakgrunn for prosjektet	9
1.3.1 Norsk jordeigedomshistorie	9
1.3.2 Jordeigedomsfordelinga	10
2 Samfunnsvitskaplege teoriar	.13
2.1 Innleiing	13
2.2 Makt	15
2.2.1 Michael Mann	17
2.2.2 Makt i Noreg i mellomalderen	19
2.3 Sosial stratifikasjon og mobilitet	21
2.3.1 Innleiing	21
2.3.2 Gruppenemningar	22
2.3.3 Stratifikasjonsteoriar	24
2.3.4 Utestengingsteori	26
2.3.5 Sosial mobilitet	28
3 Adel, aristokrati, elite	.31
3.1 Innleiing	31
3.1.1 Adel	32
3.1.2 Aristokrati	32
3.1.3 Elitar	33
3.2 Litt omgrepshistorie	34
3.2.1 Adel, <i>nobility</i> og <i>nobilitas</i>	37
3.3 Den historiske utviklinga	41

3.3.1 Skattefritak i norsk mellomalder	45
3.3.2 Rang, titlar og ombod	49
3.3.3 Adel i norsk historieskriving	66
3.4 Konklusjon og definerande kararakteristikk	73
4 Dei private jordeigarane	77
4.1 Innleiing	77
4.1.1 Kjeldesituasjonen	78
4.1.2 Kjeldegrunnlaget	81
4.1.3 Genealogi	83
4.1.4 Prosopografi	84
4.1.5 Sigillografi og heraldikk	88
4.1.6 Typologi og kategorisering	93
4.2 Einskildsaker	98
4.3 Frå Bergens Kalvskinn	176
4.4 Audun Huggleiksson	191
4.5 Ætta på Mel og Hatteberg i Kvinnherad	193
4.6 Magnhild Hallkjellsdotter og slektskrinsen hennar	199
4.7 Voss: Rogne, Finne og meire til	200
4.8 Odd Jorunnsson og krinsen rundt han	298
4.9 Kring Eide i Stryn	300
4.10 Aslak Brattsson og slektskrinsen hans	302
4.11 Ættene på Aga i Ullensvang	304
4.12 Ivar Lodinsson og slektskrinsen hans	309
4.13 Frå Kvam i Hafslø til Finne på Voss	312
4.14 Noreim og Sandvin i Kvam	327
4.15 Kring Lekve i Ulvik	336
4.16 Kvåle i Sogndal	339
4.17 Giske, Bjarkøy, Sørums, samt Naustdal	344
4.18 Ståreim	355
4.19 Kring Spåneim i Ulvik	360
4.20 Kring Torsnes i Jondal og Store Brandvik på Huglo	365
4.21 Kring Øvrabø i Fjelberg	374
4.22 Hestbø-ætta	376
4.23 Kring riddaren Brynjulv Ogmundsson	380
4.24 Eindride Simonsson lagmann	383
4.25 Kring Hildugard i Bergen	386
4.26 Kring Bellgarden i Bergen	393
4.27 Kring Dale og Ottum i Luster	396
4.28 Talge i Ryfylke	399
4.29 Riddaren Ivar på Oma og lagmannen Ivar Andresson	401
4.30 Ei hirdmannsætt i Eid i Nordfjord	403
4.31 Lagmannen Sigvat Kolbeinsson og ætta hans	405
4.32 Losna	408
4.33 Kring Sunnfjord i Strandvik	417
4.34 Onareim på Tysnes	418
4.35 Riddaren Audun på Slinde	422
4.36 Kring Hovland i Ullensvang	424

4.37 Rømer og Bolt	430
4.38 Kring Bødalen og Sæta i Loen	439
4.39 Kring Skapten, Duehus og Ceciliagarden i Bergen	442
4.40 Kring Haugen og Vik i Jondal	448
4.41 Rustung og «Dall»	452
4.42 Kring Freim i Odda	458
4.43 Kring Askatinsgarden og Tuft i Bergen	461
4.44 Kring Æri-godset i Lærdal	464
4.45 Kring Åfjorden i Bergen	469
4.46 Gudrun Sigurdsdotter i Finnegarden	471
4.47 Kring Bergsbadstova i Bergen	474
4.48 Soop	479
4.49 Måge i Ullensvang og arven etter Orm Isaksson	482
4.50 Jogrim Audunsson og Holte Toresson	487
4.51 Rike-Torstein	490
4.52 Krummedike	491
5 Oppsummering	495
5.1 Innleiing	495
5.2 Jordeigarane	496
5.2.1 Nordfjord	500
5.2.2 Sunnfjord	504
5.2.3 Sogn	508
5.2.4 Nordhordland og Voss	510
5.2.5 Bergen	515
5.2.6 Hardanger	517
5.2.7 Sunnhordland	519
5.2.8 Vanskeleg plasserbare jordeigarar	521
5.2.9 Ekskurs om kyrkjegodset	521
5.2.10 Totaloversyn for Hordaland og Sogn og Fjordane	525
5.3 Problematisk aspekt ved komparasjon	540
5.4 Europeiske tilhøve	545
5.4.1 England i seinmellomalderen	545
5.4.2 Hertugdømmet Wroclaw (Breslau) i Schlesien	550
5.4.3 Ungarn	553
5.4.4 Danmark	557
5.5 Kontrastering og samanlikning	560
6 Avslutning	565
6.1 Jordeigarar og jordeigedom	565
6.1.1 Kven var jordeigarane?	565
6.1.2 Oppsummering	567
6.2 Det norske aristokratiet	571
6.3 Jordeigedom og statsdanningsprosessar	578
6.4 Avslutning	582

Utrykte kjelder	585
Bergen, Statsarkivet i Bergen	585
Bergen, Universitetsbiblioteket i Bergen	585
Københavns Universitet, Den arnamagnæanske Samling	585
København, Det kongelige Bibliotek, Håndskriftsamlingen	585
København, Rigsarkivet	585
Oslo, Riksarkivet	586
Bibliografi	587
Trykte kjelder	587
Øvrig litteratur	596
Vedlegg: Sosial identifikasjon	645

Liste over figurar

Figur 1. Kausal IEMP-modell	19
Figur 2. Skjema over sosial mobilitet	28
Figur 3. Distribusjon av brev fordelt på 50-årsbolkar.	81
Figur 4. Distribusjon av brev fordelt på 10-årsbolkar.	82
Figur 5. Seglet til Jon Ragnvaldson frå 1297 og 1300	101
Figur 6. Seglet til Audun Guttormsson i 1324	104
Figur 7. Seglet til Peter Pålsson på Augastad frå 1311–1312	106
Figur 8. Seglet til Bjarne Audunsson, kjent frå 1308–1320	110
Figur 9. Seglet til Eindride Olavsson i 1337	121
Figur 10. Seglet til Pål Eiriksson i tida 1308 til 1339.	125
Figur 11. Seglet til Eirik Tordsson i 1358	131
Figur 12. Segla til brørne Asgaut og Alv Nikolassøner frå 1375–1376	136
Figur 13. Seglet til Jon Sigurdsson frå 1440.	155
Figur 14. Seglet til væpnaren Harnikt Henriksson	156
Figur 15. Seglet til Guttorm Gudbrandsson frå 1440	161
Figur 16. Seglet til Trond Benkestokk frå 1472.	167
Figur 17. Seglet til Erling Folkkonungsson i 1340	168
Figur 18. Seglet til Andres Jensson i 1484	170
Figur 19. Seglet til bergensrådmannen Laurits Ingesson frå 1463	172
Figur 20. Seglet til Andres Nilsson frå 1472	173
Figur 21. Seglet til Gunnar Råsvein frå 1329	183
Figur 22. Seglet til Tora Viljalmsdotter i 1336.	186
Figur 23. Baronseglet til Audun Huggleiksson frå 1295	191
Figur 24. Seglet til Jon Bjarnesson i 1320	195
Figur 25. Seglet til gulatingslagmannen Greip Toresson frå 1348	195
Figur 26. Seglet til Gaute Eiriksson i åra 1387–1389	196
Figur 27. Seglet til Svale Jonsson frå 1415	198
Figur 28. Seglet til Halle på Rogne frå kring 1300	206
Figur 29. Seglet til Peter på Finne frå 1303	208
Figur 30. Seglet til Bjørn Steinesson frå tida 1323–1342.	209
Figur 31. Seglet til Jørund Asbjørnsson på Berge frå tida 1340-1342	211
Figur 32. Segla til Odd Halleson og Svein Halleson frå høvesvis 1330 og 1347–1348 . .	213
Figur 33. Segla til Gudbrand Petersson og Eirik Erlendsson Bukk	216
Figur 34. Segla til Halldor Duk Olavsson	216
Figur 35. Seglet til Brynjulv Brynjulvsson	218
Figur 36. Seglet til Arne Jørundsson i 1330.	220
Figur 37. Segla til Torstein Petersson «katæel» og Gudbrand Oddsson på Gjelle	223
Figur 38. Seglet til Orm Kavle frå tida 1303–1315	225
Figur 39. Seglet til Askjell på Vinsand i 1341, 1342 og 1350	228
Figur 40. Teikning av seglet til Arnbjørn Bjørnsson, kongens ombodsmann på Voss	230
Figur 41. Seglet til Jostein Hallsteinsson på Saue frå 1342	234
Figur 42. Seglet til Bjørn Jonsson frå 1359 og 1368	236

Figur 43. Seglet til Erling Sigurdsson slik det framstår mellom 1342 og 1352.	237
Figur 44. Seglet til Eiliv Brynjulvsson frå 1371	240
Figur 45. Seglet til Hallstein Bårdsson, kan henda frå 1361	242
Figur 46. Segla til Jørund Arnesson frå høvesvis 1351 og 1376	245
Figur 47. Seglet til Sigurd Guttormsson frå 1375 og 1380	250
Figur 48. Seglet til Jon Eiriksson frå 1400	251
Figur 49. Seglet til Jon Torsteinsson på Helland frå 1386	253
Figur 50. Seglet til Torgaut Kjetilsson frå 1396.	254
Figur 51. Seglet til Håvard Botolvsson frå 1426	259
Figur 52. Segla til Alvfinn på Gjerde, Alvfinn på Rekve og Alvfinn Brynjulvsson	260
Figur 53. Seglet til Eiliv Sigurdsson frå tida 1350–1376	262
Figur 54. Seglet til Eirik Torfinnsson frå 1428	265
Figur 55. Seglet til Eiliv Omundsson frå 1447	266
Figur 56. Seglet til Jon Bjarnesson/Bjernesson i 1439	268
Figur 57. Seglet til fru Magnhild Oddsdotter frå 1490	269
Figur 58. Seglet til Arnbjørn Eiriksson frå 1428	270
Figur 59. Seglet til Olav Petersson frå 1468.	271
Figur 60. Seglet til Arnfinn Oddsson frå 1392	272
Figur 61. Seglet til Gudmund Askjellsson frå 1468.	278
Figur 62. Seglet til Birning Karleson frå 1468	281
Figur 63. Seglet til Torgeir Håvardsson frå 1401.	283
Figur 64. Seglet til Gard Rikolvsson frå 1462	284
Figur 65. Seglet til Kjetil Brynjulvsson frå 1468	285
Figur 66. Seglet til Besse Toresson frå 1350	289
Figur 67. Seglet til Lavrans Torsteinsson frå 1499	290
Figur 68. Seglet til Odd Arnbjørnsson frå 1472	291
Figur 69. Seglet til Brynjulv Trondsson frå 1457	292
Figur 70. Seglet til Gudleik Vikingsson frå 1499.	295
Figur 71. Seglet til Helge Kvit frå 1307–1308	301
Figur 72. Restane av seglet til Aslak Brattsson frå 1306	302
Figur 73. Våpenmerket i seglet til Torstein Hallgrimsson frå 1373	303
Figur 74. Gravsteinen etter Sigurd Brynjulvsson i Aga	304
Figur 75. Teikning av seglet til Andres på Mara frå 1329	312
Figur 76. Seglet til Pål Arnfinnsson i Kvam frå tida 1329–1331	315
Figur 77. Seglet til Sigurd Andorsson frå 1349	317
Figur 78. Seglet til Arnfinn Isaksson frå 1341	320
Figur 79. Seglet til Torfinn Sigvaldsson i 1315	320
Figur 80. Seglet til Andor Bårdsson i 1346	321
Figur 81. Seglet til Brynhild Josefsdotter i 1389	324
Figur 82. Seglet til Torstein Skolle frå 1337.	325
Figur 83. Seglet til Peter på Sandvin frå 1314	330
Figur 84. Segla til Erling og Arnbjørn, mågane til Peter på Sandvin	331
Figur 85. Seglet til Nikolas Olavsson frå 1374	333
Figur 86. Teikning av seglet til Aslak på Ljono frå 1322.	337
Figur 87. Våpenmerket til Jon Brynjulvsson frå seglet hans i 1287	340
Figur 88. Seglet til Sigurd Sveinsson frå 1321	341
Figur 89. Seglet til baronen Bjarne Erlingsson i Bjarkøy og Giske frå 1288	346
Figur 90. Segla til Erling Vidkunsson	349

Figur 91. Seglet til Håkon Sigurdsson frå tida 1398–1405	350
Figur 92. Segla til dei truleg tre viktigaste mennene i Margrete Eilivsdotters liv.	351
Figur 93. Segla til Sigurd Jonsson og Filippa, dotter til grev Hans.	353
Figur 94. Segla til Arnfinn Eilivsson Skjökja og Bjarne Anundsson	357
Figur 95. Segla til brørne Ogmund og Ingemund Peterssøner, samt Ogmund i Byre	360
Figur 96. Seglet til Sigurd på Torsnes	366
Figur 97. Seglet til Guttorm Nilsson?	372
Figur 98. Seglet til Torgeir Tovesson frå 1324	377
Figur 99. Segla til Ogmund Finnsson og Ivar Rova Ogmundsson.	378
Figur 100. Seglet til Tore Uspaksson frå 1423.	378
Figur 101. Seglet til Jon Brynjulvsson frå 1344	381
Figur 102. Seglet til Peter Håkonsson frå 1355	382
Figur 103. Seglet til lagmannen Eindride Simonsson	383
Figur 104. Seglet til Eindride Arnesson frå 1338.	384
Figur 105. Seglet til Erling Åmundesson frå 1312.	386
Figur 106. Seglet til Tore Torkjellsson på Onarheim	387
Figur 107. Segl som er tillagt Einar i Hildugard i 1323	388
Figur 108. Seglet til Erling Einarsson frå 1380	389
Figur 109. Seglet til Nikolas Sveinsson Galle frå 1388–1389	389
Figur 110. Seglet til Holte Jonsson frå 1426	390
Figur 111. Seglet til Hans Kruckow frå 1445	391
Figur 112. Seglet til Herlaug Petersson frå 1455	391
Figur 113. Seglet til Orm Svarte Toresson frå 1322	393
Figur 114. Segla til Sæbjørn Erlendsson i Bellgarden og Sæbjørn Helgesson	394
Figur 115. Seglet til Sigurd Josefsson frå 1331 eller 1333	397
Figur 116. Seglet til Arnfinn Arnesson på Dale slik det var i åra 1337–1340	398
Figur 117. Segla til mennene i Talgje-ætta	399
Figur 118. Seglet til gulatingslagmannen Ivar Andresson frå 1338.	401
Figur 119. Brotstykke av seglet til Olav Lang frå 1315	406
Figur 120. Seglet til Eirik Nikolasson frå salsbrevet 1336.	412
Figur 121. Erlend Filippussons segl frå 1370	413
Figur 122. Seglet til Eindride Erlendsson	414
Figur 123. Seglet til Erlend Eindridesson frå 1450	415
Figur 124. Seglet til Audun på Slinde frå 1314	422
Figur 125. Seglet til Orm Helgesson frå 1371	427
Figur 126. Seglet til Otte Rømer frå tida 1389–1398	431
Figur 127. Seglet til Svale Olversson frå 1353.	432
Figur 128. Seglet til Svale Rømer frå 1389.	432
Figur 129. Seglet til Jakob Fastulvsson frå 1401	433
Figur 130. Segla til Agmund Berdorsson (Bolt) og Bjarne Amundsson.	434
Figur 131. Seglet til Otte Matsson frå 1493.	438
Figur 132. Seglet til Håkon Munansson (Stumpe) frå 1388	443
Figur 133. Seglet til Sigurd Unasson frå tida 1398–1410	445
Figur 134. Seglet til Arnfinn Brattsson frå 1378	455
Figur 135. Seglet til Viderik Torbjørnsson i 1624	456
Figur 136. Seglet til Sakse Andresson frå 1400	461
Figur 137. Seglet til Hallvard Alvsson frå tida 1398–1403	465
Figur 138. Seglet til Pål Arnfinnsson frå 1361.	466

Figur 139. Seglet til Arvid Ingjeldsson frå 1430	475
Figur 140. Seglet til Guttorm Jonsson frå 1441.....	477
Figur 141. Segla til brørne Erlend og Peder Andressøner Frak frå 1488.....	478
Figur 142. Seglet til Torkjell Arnfinnsson frå 1476.....	479
Figur 143. Seglet til Torstein Arnfinnsson frå 1476	480
Figur 144. Seglet til Ivar Vikingsson frå 1438	485
Figur 145. Seglet til Jogrim Audunsson frå 1427.....	487
Figur 146. Seglet til Hartvig Krummedike frå 1455	491

Liste over kart

Kart 1. Hordaland fylke	96
Kart 2. Sogn og Fjordane fylke	97
Kart 3. Kart som viser kvar eigedomane etter Askjell Torkjellsson var plasserte.	374
Kart 4. Kart over delar av Nordfjord.	404
Kart 5. Kart som illustrerer den svært strategiske plasseringa av Losna	409
Kart 6. Kart som viser gardane (gardpartane) som utgjorde Æri-godset i 1535	464
Kart 7. Kart som viser plasseringa av jordpartane i skiftet på Måge frå 1436.	486
Kart 8. Kart over hertugdømmet Wroclaw (Breslau) i Schlesien i seinmellomalderen	550
Kart 9. Kart over Ungarn på 1400-talet.	555

Liste over tabellar

Tabell 1-1. Presumptiv jordeigedomsfordeling i Noreg i seinmellomalderen	10
Tabell 3-1. Samfunnsgruppene i tidleg og høgmellomalder omtalte i lovene	43
Tabell 3-2. Estimerte minimumstal for medlemmane av aristokratiet	57
Tabell 3-3. Freistnad på definisjon av samfunnsgruppene adel, aristokrati og elite	74
Tabell 5-1. Fordelinga over privateigd jordegods i undersøkingsområdet i 1661	499
Tabell 5-2. Jordeigarar i Nordfjord	500
Tabell 5-3. Jordeigarar i Sunnfjord	504
Tabell 5-4. Jordeigarar i Sogn	508
Tabell 5-5. Jordeigarar i Nordhordland	511
Tabell 5-6. Jordeigarar på Voss	513
Tabell 5-7. Jordeigarar i Bergen	515
Tabell 5-8. Jordeigarar i Hardanger	517
Tabell 5-9. Jordeigarar i Sunnhordland	519
Tabell 5-10. Vanskeleg plasserbare jordeigarar	521
Tabell 5-11. Jordeigarane, totaloversyn for alle regionar	525
Tabell 5-12. Samlekategoriar, heile tidsperioden	525
Tabell 5-13. Samlekategoriar, justerte tal	526
Tabell 5-14. Proporsjonar mellom mine resultat og jordeigedomsfordelinga 1661	527
Tabell 5-15. Regionale proporsjonar mellom aristokratiet i mellomalderen, og jordeigedomsfordelinga i 1661.	527
Tabell 5-16. Samlekategoriar av jordeigarar.	529
Tabell 5-17. Inntekter frå jordeigedom i England i 1436.	546
Tabell 5-18. Privat jordeigedom i England i første del av 1400-talet.	548
Tabell 5-19. Samla jordeigedom i England i første del av 1400-talet.	549
Tabell 5-20. Jordeigedomsfordelinga i hertugdømmet Wroclaw i seinmellomalderen.	552
Tabell 5-21. Jordeigarar i hertugdømmet Wroclaw i seinmellomalderen.	552
Tabell 5-22. Adelsgodsets fordeling i 11 herad i Viborg stift i 1524	558
Tabell 6-1. Presumptiv jordeigedomsfordeling i Noreg i seinmellomalderen	566

Liste over slektstavler

Tavle 1. Slektene på Mel og Hatteberg (utdrag)	197
Tavle 2. Slekta på Rogne.	203
Tavle 3. Den eldre ætta på Finne	209
Tavle 4. Kring Berge i Dyrvedalen	212
Tavle 5. Jørund Arnnessons slektskrins.	221
Tavle 6. «Bukk-slekta» på Vestreim og deira slektskrins	230
Tavle 7. Ingebjørg Simonsdotters slektskrins	235
Tavle 8. Brynhild Sigurdsdotters slektskrins	236
Tavle 9. Den yngre slekta på Finne	238
Tavle 10. Slektskrinsane kring bygarden Gylten i Bergen.	242
Tavle 11. Ragnhild Hallsdotters slektskrins	272
Tavle 12. Ingrid Gudmundsdotters slektskrins	278
Tavle 13. Tvilde-mennene og ætta deira.	288
Tavle 14. Orm Ivarssons slekt	294
Tavle 15. Ætta på Kvam i Hafslø og Finne på Voss.	314
Tavle 16. Kring Noreim og Sandvin i Kvam.	328
Tavle 17. Kring Lekve i Ulvik.	336
Tavle 18. Kvåle i Sogndal	339
Tavle 19. Den yngre Giske- og Bjarkøy-ætta, med noko av Naustdal-ætta.	344
Tavle 20. Sørum-ætta, samt arvingane etter junker Hans Sigurdsson	345
Tavle 21. Ætta på Ståreim.	355
Tavle 22. Fru Torbjørg og hennar slektskrins (hypotetisk).	358
Tavle 23. Torsnes-ætta	365
Tavle 24. Hestbø-ætta.	376
Tavle 25. Losna-ætta.	408
Tavle 26. Rømer.	430
Tavle 27. Kring Skapten og Ceciliagarden i Bergen.	442
Tavle 28. Rustung og «Dal».	452
Tavle 29. Kring Freim i Odda.	458
Tavle 30. Kring Æri-godset i Lærdal.	466
Tavle 31. Gudrun Sigurdsdotter og slektskrinsen hennar.	472
Tavle 32. Frak.	476
Tavle 33. Soop.	481
Tavle 34. Orm Isaksson og arven etter han	484
Tavle 35. Jøgrim Audunsson, Holte Toresson og Fartegn Filippusson.	488
Tavle 36. Ættleggen etter Eirik Kolbeinsson.	501
Tavle 37. Tavle som viser arvegangen til jordegodskompleksa til mellom anna ættene på Giske, Ståreim, Bjarkøy, Naustdal, Finne på Voss og Losna.	535
Tavle 38. Tavle som viser arvegangen til Ornes-godset.	536
Tavle 39. Slektsrelasjonar mellom slektene Kane, Galle, Smør, «Galtung», Benkestokk og Orm, og arven etter jomfru Magdalena Olavsdotter på Hatteberg.	537

Forkortingar

Kjelder, litteratur og andre vanlege forkortingar

<i>ABJ</i>	<i>Aslak Bolts jordebok</i> , utg. Jon Gunnar Jørgensen
<i>ABMunch</i>	<i>Aslak Bolts Jordebog</i> , utg. P. A. Munch
Abs., <i>Dagbok</i>	«Dagbok», i Absalon Pederssøn Beyer, <i>Dagbok og Oration om Mester Geble. Tekstbind</i> , utg. Ragnvald Iversen et al.
Abs., <i>Om Norgis Rige</i>	Absalon Pederssøn Beyer, «Om Norgis Rige», i <i>To norske historisk-topografiske skrifter fra 1500-tallet</i> , utg. Gustav Storm
<i>Ágrip</i>	«Ágrip» i <i>Ágrip af Nóregskonunga sögum. Fagrskinna – Nóregs konunga tal</i> , utg. av Bjarni Einarsson
AM.....	Den arnamagnæanske samling, København og Reykjavík
<i>ANSH</i>	<i>Aktstykker til de norske Stændermøders historie 1548–1661</i>
<i>BHFS</i>	<i>Bergens historiske forening: Skrifter</i>
<i>BK</i>	<i>Bergens Kalvskinn: AM 329 fol. i Norske Riksarkiv</i> , utg. Finn Hødnebo og Ole-Jørgen Johannessen
<i>BKMunch</i>	<i>Registrum prædiorum et redituum ad ecclesias diocesis Bergensis sæculo p. c. XIV. to pertinentium, vulgo dictum "Bergens Kalvskind" (Björgynjar Kálfskinn)</i> , utg. P. A. Munch
bl.....	blad
By.....	Magnus Lagabøtes bylov av 1276
<i>Bögl</i>	<i>Soga om birkebeinar og baglar: Bøglunga sögur</i> , utg. Hallvard Magerøy.
CMS.....	Centre for Medieval Studies/Senter for mellomalderstudiar, Universitetet i Bergen
<i>Danenes ferd</i>	«Historien om danenes ferd til Jerusalem», i <i>Norges historie. Theodricus munk: Historien om de gamle norske kongene. Historien om danenes ferd til Jerusalem</i> , oms. Astrid Salvesen.
<i>DAA</i>	<i>Danmarks Adels Aarbog</i>
<i>DBL</i>	<i>Danske biografiske Lexikon, tillige omfattende Norge for Tidsrummet 1537–1814</i> , red. av C. F. Bricka
<i>DD</i>	<i>Diplomatarium Danicum</i>
<i>De profectioe</i>	«De profectioe Danorum in Hierosolymam», i <i>Scriptores minores historia Danicae medii ævi II</i> .
<i>DF</i>	<i>Diplomatarium Faeroense</i>
<i>DHT</i>	(Dansk) <i>Historisk tidsskrift</i>
<i>DI</i>	<i>Diplomatarium Islandicum</i>
<i>DN</i>	<i>Diplomatarium Norvegicum</i>
<i>DOH</i>	<i>Diplomatarium Orcadense et Hialtlandense</i>
<i>DPT</i>	[Dansk(-norsk til 1927)] <i>Personalhistorisk tidsskrift</i>
<i>DRA</i>	Rigsarkivet, København
<i>DS</i>	<i>Diplomatarium Suecanum</i>
<i>EHR</i>	<i>The English Historical Review</i>
et al.	et alii (lat.)/med fleire

F.....	Frostatingslova
fig.....	figur
fl.....	floruit (lat.)/«blomstra», i overført tyding
fol.....	folio
Fritzner I–IV.....	Johan Fritzner, <i>Ordbog over Det gamle norske Sprog I–III</i> ; Finn Hødnebo, <i>Ordbog over Det gamle norske Sprog IV: Rettelser og tillegg.</i>
FskBE.....	«Fagrskinna» i <i>Ágrip af Nóregskonunga sögum. Fagrskinna – Nóregs konungatal</i> , utg. av Bjarni Einarsson
FskFJ.....	<i>Fagrskinna</i> , utg. av Finnur Jónsson
Fundatio Lysensis.....	«Fundatio Lysensis monasterii,» i <i>MHN</i> , utg. Gustav Storm
G.....	Gulatinglova
<i>Gamalnorsk ordbok</i>	Leiv Heggstad, red. <i>Gamalnorsk ordbok med nynorsk tyding</i>
GKS.....	Gammel Kongelig Samling (samling i KB)
gnr.....	gardsnummer/matrikelnummer
H.....	Hirdskråa
<i>Hákonar saga</i>	<i>Hákonar saga Hákonarsonar etter Stb. 8 fol., AM 325 VIII, 4° og AM 304 4°</i> , utg. Marina Mundt.
<i>HHS</i>	<i>Hákon Hákonssons saga av Sturla Þorðarson</i> , utg. Anne Holtmark
<i>HHVigf</i>	<i>Hákonar Saga, and a Fragment of Magnus Saga</i> , utg. Guðbrandur Vigfússon
<i>HKJ</i>	Albert Kjær, utg. «Fortegnelse over Hartvig Krummediges norske Jordegods (Cod. AM. 880, 4to).»
<i>HkrBA</i>	<i>Heimskringla</i> , utg. av Bjarni Aðalbjarnarson
<i>HN</i>	<i>Historia Norvegie</i> , utg. av Inger Ekrem og Lars Boje Mortensen
<i>HSJ</i>	<i>The Haskins Society Journal</i>
<i>HSS</i>	Håndskriftsamlingen (samling i DRA)
<i>HT</i>	(Norsk) <i>Historisk tidsskrift</i>
<i>IA</i>	<i>Islandske Annaler indtil 1578</i> , utg. Gustav Storm
<i>KA</i>	Kjeldeskriftavdelingen (avdeling i NRA)
kap.....	kapittel
KB.....	Det Kongelige Bibliotek, København
<i>KLNM</i>	<i>Kulturhistorisk leksikon for nordisk middelalder</i>
L.....	Magnus Lagabøtes landslov av 1274
lat.....	latin
<i>LatDok</i>	<i>Latinske dokument til norsk historie fram til år 1204</i> , red. E. Vandvik
<i>Lexicon Minus</i>	Niermeyer, Jan Frederik, og Co van de Kieft, utg. <i>Mediae Latinitatis Lexicon Minus. Lexique latin médiéval – Medieval Latin Dictionary – Mittellateinisches Wörterbuch.</i>
<i>LMA</i>	<i>Lexikon des Mittelalters</i>
lnr.....	løpenummer
LR.....	Lensrekneskapar (arkivseriar i NRA, RK)
<i>MHN</i>	<i>Monumenta Historica Norvegia: Latinske Kildeskrifter til Norges Historie i Middelalderen</i> , utg. Gustav Storm
<i>MLL</i>	<i>Magnus Lagaboters Landslov</i> , oms. Absalon Taranger.
mmb.....	månadsmatbol
ms/Ms.....	manuskript
<i>Munkeliv brevbok</i>	<i>Codex diplomaticus monasterii Sancti Michaelis, Bergensis diocesis, vulgo Munkalif dicti, conscriptus Anno Chr. MCCCCXXVII</i> , utg. Peter Andreas Munch.
n.....	nemnt

NBL	<i>Norsk biografisk leksikon</i> , 1. utg (Kristiania/Oslo, 1923–1983)
NBL2	<i>Norsk biografisk leksikon</i> , 2. utg. (Oslo, 1999–2005)
NCMH	David Abulafia et al., red. <i>The New Cambridge Medieval History</i> (Cambridge, 1998–2005)
NdA	Anders Thiset og P. L. Wittrup, <i>Nyt dansk Adelslexikon</i>
NG	<i>Norske Gaardnavne</i>
NgL	<i>Norges gamle Love indtil 1387</i>
NgL2	<i>Norges gamle Love</i> , 2. rekke
NHD	<i>Norske Herredags-Dombøger</i>
NHL	<i>Norsk historisk leksikon</i> , red. Steinar Imsen og Harald Winge.
NKJ III	<i>Jordebok for Bergen bispedømme ca. 1600 med jordebok for Hospitalet i Bergen ca. 1617-21</i> , utg. Ole-Jørgen Johannessen, <i>Norske kyrkjelege jordebøker</i> , bd. III.
NKS	Ny Kongelig Samling (samling i KB)
NLR	<i>Norske lensrekneskapsbøker</i>
NMD	<i>Norske middelalderdokumenter</i>
norr.	norrønt
<i>Norrøn ordbok</i>	Leiv Heggstad, Finn Hødnebo og Erik Simensen, red. <i>Norrøn ordbok</i> .
NoSigV	<i>Verdslige sigiller indtil aar 1400</i> (Norske sigiller fra middelalderen)
NRA	Riksarkivet, Oslo
NRJ	<i>Norske Regnskaber og Jordebøger fra det 15de Aarhundrede</i>
NRR	<i>Norske Rigs-Registranter</i>
NST	<i>Norsk slektshistorisk tidsskrift</i>
OEJ	<i>Olav Engelbrektssøns Jordebog</i>
OER	<i>Olav Engelbriktssøns rekneskapsbøker 1532–1538</i>
OrknFG	<i>Orkneyinga saga</i> , utg. av Finnbogí Guðmundsson
P&P	<i>Past & Present</i>
pag	pagina(e)
pk	pakke
RB	<i>Biskop Eysteins Jordebog (Den røde Bog): Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400</i> , utg. av H. J. Huitfeldt-Kaas.
RDRDM2	<i>Repertorium diplomaticum regni Danici mediævalis, Series secunda</i>
REO	<i>Records of the Earldom of Orkney</i>
RK	Rentekammeret (arkivserie i NRA)
RN	<i>Regesta Norvegica</i>
ROA	Realistisk ordnet avdeling (arkivserie i NRA, RK)
s	side
SAB	Statsarkivet i Bergen
ScandJH	<i>Scandinavian Journal of History</i>
SkM 1647 [fylke]	<i>Skattematrikkelen 1647</i> , sjå under fylkesnamn i bibliografien
s.v.	sub verbo (lat.)/under oppslagsordet
t.d.	til dømes
tab.	tabell
Theodoricus Monachus	Theodoricus Monachus, « <i>Historia de antiquitate regum Norwagien-sium</i> ,» i <i>MHN</i> , utg. Gustav Storm
Theodricus munk	Theodricus munk, « <i>Historien om de gamle norske kongene</i> ,» i <i>Norges historie. Theodricus munk: Historien om de gamle norske kongene. Historien om danenes ferd til Jerusalem</i> , oms. Astrid Salvesen.
THS	<i>Tidsskrift utgjeve av Historielaget for Sogn</i>

TRHS *Transactions of the Royal Historical Society*
UBB..... Universitetsbiblioteket i Bergen

Teiknforklaringar

†..... død
*..... fødd
~ gift med

Forkortingar av kommunenamn (etter inndelinga i *NG*)

Kommunenamn som ikkje er forkorta, er ikkje med i denne opplistinga.

Alv Alversund
Askv Askvoll
Aur..... Aurland
Aus..... Austevoll
Bal..... Balestrand
Bor..... Borgund
Brem..... Bremanger
Bru..... Bruvik
Dav Davik
Eidfj..... Eidfjord
Eva..... Evanger
Fin..... Finnås
Fit..... Fitjar
Fja Fjaler (Ytre Holmedal)
Fjb..... Fjelberg
Før Førde
Gau..... Gaular (Indre Holmedal)
Glo..... Gloppen
Gra..... Granvin
Gul..... Gulen
Haf..... Hafslo
Ham..... Hamre
Her..... Herdla
Hor Hornindal
Hos Hosanger
Hyl..... Hyllestad
Hål Hålandsdalen
Inn Innvik
Jon Jondal
Jos Jostedal
Jøl..... Jølster
Kvi..... Kvinnherad
Kyr..... Kyrkjebo
L&B..... Lavik og Brekke
Lei..... Leikanger

Lin.....	Lindås
Lus.....	Luster
Lær.....	Lærdal
Man.....	Manger
Mas.....	Masfjorden
Røl.....	Røldal
Sam.....	Samnanger
Sel.....	Selje og Vågsøy
Skån.....	Skånevik
Sog.....	Sogndal
Sol.....	Solund
Strb.....	Strandebarm
Strv.....	Strandvik
Tys.....	Tysnes
Ull.....	Ullensvang (= Odda, Ullensvang og Kinsarvik)
Ulv.....	Ulvik
Val.....	Valestrand
Var.....	Varaldsøy
Vev.....	Vevring
Vikeb.....	Vikebygd
Vst.....	Vossestrand
Ård.....	Årdal
Års.....	Årstad

1 Innleiing

1.1 Problemstilling, avgrensing og oppbygging

Frå naturen si side er ikkje Noreg rikt på produktivt areal, som til dømes jordbruksland og utnyttbare skogsområder. Det aller meste av landmassa er anten for høgtliggjande eller for dominert av sparsame lausmassar som set klare avgrensingar på jord- og skogbruk, og totalt sett har truleg ikkje meir enn kring 3 %, snarare noko mindre, av landmassen vore dyrkbar jord.¹ Topografisk har Noreg endra seg lite frå mellomalderen, men økonomisk har det endra seg mykje. Jordbruk er ikkje lenger så viktig for økonomien og livskvaliteten som det var før. I mellomalderen var Noreg, til liks med resten av den vestlege kristendom (og for den del – resten av verda), først og fremst eit agrarsamfunn, der jordbruket stod svært sentralt i livet så vel som i døden. Trass i at det dyrkbare arealet var lite, var det framleis åkerbruket og produkta frå det som gav mest mat, dersom ein måler i energi.² Eit godt år gav liv, eit dårleg år kunne føra til død, og gjorde det ofte. I eit agrarsamfunn er jorda den viktigaste ressursen av alle, og det seier seg sjølv at kontroll med denne livgjevande ressursen var gjennomgripande viktig for personar og institusjonar som aspirerte etter makt i agrarsamfunnet. Kontroll med den primære ressursen i samfunnet, gav dermed kontroll med folket som var avhengige av denne ressursen. Og det var dei aller fleste. Slik den amerikanske sosiologen George C. Homans (1910–1989) har formulert det: «Middelalderens mennesker i Europa var nesten utelukkende opptatt med å dyrke jorda».³

Jordeigedomshistorie er, eller bør i det minste vera, eit sentralt felt i all forskning på agrarsamfunn. Historikaren Audun Dybdahl har peika på fleire sentrale moment i samband med dette. Eigeidoms-tilhøve og godsdanning gjev godt innsyn i både den økonomiske, politiske og sosiale styrken til forskjellige samfunnsgrupper gjennom tidene. Makt, rikdom og vørndnad var nært knytt til det jordegodset ein person eller ein institusjon rådde over, og ikkje minst var jordeigedom det einaste investeringsobjektet av verkeleg vekt i eldre tider.⁴ Til sjuande og sist var det også tale om herre-

1. Jf. t. d. K. Helle 1991, s. 14; Sporrøng 2003. K. Helle 1991, s. 42, peikar på at det samla dyrkingsarealet i mellomalderen truleg var mindre enn i dag, ettersom veiting av myrland og vassjuk jord ikkje hadde slått gjennom.

2. Sjø t. d. K. Helle 1991, s. 42.

3. Homans 1975, s. 58; opphavleg i Homans 1936, s. 338.

døme over menn, for dersom ikkje bøndene dyrka jorda fekk jordeigaren ingen avgifter, kyrkja ingen tiende, og kongen ingen skatt.⁵

Jordeigedomshistorie er også sosialhistorie, ettersom kontroll med jorda var viktig for maktgrunnlaget, og dermed tilhører jordeigarane som regel eit høgare sosialt sjikt enn dei som berre brukar jorda. Ei kartlegging av jordeigarane i eit agrarsamfunn vil fortelja oss kven som tilhørte den jordeigande klassen, og dermed også fortelja mykje om dei sosiale strukturane i det samfunnet ein studerer. Kombinert med andre studiar av til dømes personar med stor politisk eller økonomisk makt, anten det er på internasjonalt, riks-, regionalt eller lokalt plan, vil ei slik undersøking visa om det er større eller mindre grad av overlapping mellom desse sosiale sjikta i eit samfunn. I eit slikt studium vil også samfunnsvitskaplege metodar vera svært nyttige å bruka, ikkje minst makt- og stratifikasjonsteoriar. Desse går eg nærare inn på i neste kapittel.

1.1.1 Problemstilling

Den opphavlege og noko overambisjose prosjektskildringa mi frå 2003 hadde som hovudmål å kasta ljøs over det norske aristokratiet i mellomalderen og kor mykje jordeigedom dette aristokratiet sat inne med gjennom denne perioden. Dette målet, skreiv eg, kunne ikkje nåast utan samstundes å freista å kartleggja jordeigedomen til dei øvrige stendene/samfunnssklassane i mellomalderen, inklusive kyrkjegodset og opphavet til det. Dermed definerte eg det opphavlege prosjektet som todelt: Det eine var å kasta nytt ljøs over jordeigedomsfordelinga i Noreg i mellomalderen, og om det i det heile er mogleg å talfesta kor mykje av det samla jordegodset som var i eiga til dei forskjellige stendene og/eller samfunnssklassane i Noreg i tida fram til reformasjonen. Det andre var å føreta ei definering og klassifisering av det norske aristokratiet i mellomalderen, noko eg meinte ikkje var mogleg å gjera utan først å ha eit relativt klårt bilete av nettopp jordeigedomsfordelinga på same tid. Som utgangspunkt for undersøkinga sette eg difor opp følgjande to hypoteser:

- Kyrkja åtte vesentleg mindre enn 40 % av jordegodset i Noreg kring 1350
- Det verdslige aristokratiet åtte vesentleg meir enn 20 % av jordegodset i Noreg kring 1350, og bønder/bymenn tilsvarande mindre enn 33 %

Den første hypotesen er plausibel av di det vil vera oppsiktsvekkjande dersom kyrkja på eit samla grunnlag, har auka jordegodset sitt frå kring null i siste del av 1000-talet, til kring 132.000 mmb i 1350. Den andre hypotesen representerer av fleire grunnar ei naudsynt og interessant forskings-

4. Dybdahl 1989, s. 13. Jf. dessutan t. d. Dewald og Vardi 1998, s. 27.

5. Ulsig 2006, s. 1.

oppgåve. For det første har ein eit mildt sagt uklårt bilete av kven som faktisk kan seiast å ha vore ein del av det verdslege aristokratiet i mellomalderen. Dermed vert den første oppgåva å freista å klassifisera eller definera denne gruppa på eit vitenskapleg grunnlag, i første rekkje slik at ein kan få ei sikrere grensdragning mellom aristokratiet på den eine sida, og bønder og bymenn på den andre sida. Dette er til no ikkje gjort på eit vitenskapleg og kjeldekritisk grunnlag i norsk historieforsking. For det andre er det naudsynt å kartleggja kor mykje jord dei verdslege jordeigarane åtte i Noreg i mellomalderen, og, etter ei klassifisering av aristokratiet i høve til bønder og bymenn, å kartleggja kor mykje av jordegodset ein kan rekna med var i eiga til dei forskjellige samfunnsklassane.

Ut gjennom arbeidet med kjeldematerialet dei påfølgjande tre åra, har eg vorte meir og meir overtydd om at det ikkje er mogleg å operera med tal for jordeigedomsfordelinga i Noreg kring 1350 med noko som helst form for visse. Avgrensingane i materialet mitt, både geografisk og kjeldemessig, som var naudsynte for i det heile å kunna gjennomføra undersøkinga mi, viste også at det ut frå kjeldegrunnlaget mitt, ikkje ville vera mogleg å setja fram tal for jordeigedomsfordelinga i undersøkingsområdet for mellomalderen. Dette medførte igjen ei vridning av det overordna emnet for avhandlninga, bort frå fokuset på jordeigedom, og eit mykje sterkare fokus på jordeigarane og kva sosial status dei hadde. Arbeidstittelen på avhandlninga vart også samstundes endra frå «Aristokrati og jordeigedom» til «Ei undersøking i den sosiale samansetjinga av den jordeigande eliten».

Kven var jordeigarane i mellomalderen? Dette vert dermed hovudspørsmålet i denne avhandlninga. Framleis er eitt av måla mine å kasta meir ljøs over det norske aristokratiet i mellomalderen, men om det er mogleg å finna ut kor mykje jordeigedom dette aristokratiet sat inne med, er derimot eit spørsmål som ikkje har vore mogleg å løysa her. Det vil krevja tilsvarande undersøkingar for heile Noreg, ikkje berre dei to fylka som eg har undersøkt. Likevel vil freista å kritisk testa dei tradisjonelle tala for jordeigedomsfordelinga i Noreg i mellomalderen, og om det i det heile er mogleg å talfesta kor mykje av det samla jordegodset som var i eiga til dei forskjellige samfunnsgruppene. Denne testinga vil primært vera kvalitativ, ettersom kjeldegrunnlaget mitt er for lite og for smalt til å gjera denne testinga tilfredsstillande på eit kvantitativt grunnlag. Eg vil også gjera ein freistnad på definering og klassifisering av det norske aristokratiet i mellomalderen. Kor vidt det er mogleg å trekkja inn komparative resultat frå øvrige europeiske statsdanningar, er også noko eg vil sjå nærare på.

Det eg dermed konkret vil freista å gjera i denne avhandlninga er å finna ut kven dei private jordeigarane er, sett frå ein sosial ståstad, og korleis dette høver med eit potensielt mønster elles i samtidas Europa. Sosial identifikasjon av desse jordeigarane vert dermed svært sentralt. Med sosial identifikasjon meiner eg at eg vil freista å finna ut kva samfunnsgruppe eller klasse jordeigarane tilhørte, og korleis dei stod på den sosiale rangstigen i høve til andre samfunnsgrupper. På bakgrunn av dette kan eg seia meir om kva samfunnsgrupper som åtte jorda i undersøkingsområdet.

1.1.2 Avgrensing

Eit prosjekt som går over tre år kan likevel ikkje nå over alt materialet for heile Noreg. Eg har difor avgrensa det geografisk til det som i dag dekkjer fylka Hordaland og Sogn og Fjordane (sjå kart på s. 96–97). Det ideelle ville sjølvsagt ha vore ei total kartlegging av alt jordegods i Noreg i mellomalderen, men det er ei uoverkomeleg oppgåve i eit prosjekt over tre år. Difor har eg ikkje handsama kyrkje- og krongodset, men berre fokusert på den jordeigedomen i kjeldene er sagt å ha vore i privat eige i mellomalderen. Men eg har inkludert transaksjonar som kjem fram i dei kyrkjelege jorbøkene vi har frå mellomalderen, der namngjevne private donatorar står som gjevar eller seljar. Det er såleis dei private jordeigarane eg fokuserer på i det etterfølgjande. På det komparative planet har det heller ikkje vore særskilt aktuelt å gå i djupna i utanlandske originalkjelder, men snarare nytta dei mange og gode forskingsarbeida som er publiserte om emnet i og om dei respektive landa som det kan vera mogleg å gjennomføra komparasjonar med.

1.1.3 Oppbygging

Det teoretiske grunnlaget for sosial identifikasjon vil naturleg ha sitt utgangspunkt i samfunnsvitenskapane, og dette er gjort nærare greie for i kapittel 2. I dette første kapittelet vil eg gje bakgrunnen for prosjektet, samt gje ei skisse over historiografien til norsk jordeigedomshistorie. Kapittel 3 vil innehalda ei drøfting av omgrepa adel, aristokrati og elite, og freista ein definisjon av desse omgrepa. Det kapittelet vil også femna ei historiografisk skisse kring bruken av omgrepa adel og aristokrati i norsk historieforskning. Kapittel 4 er svært omfattande, og inneheld den store materialdelen, forutan ein gjennomgang av kjeldesituasjonen, kjeldegrunnlaget og ein gjennomgang av nokre av hjelpevitenskapane som er nytta i det løpande arbeidet med kjeldene. Kapittel 5 inneheld ein gjennomgang av resultatata som har kome fram i det føregåande kapitlet, samt materiale frå nokre europeiske statsdanningar i seinmellomalderen. Eventuelle komparative eller kontrasterande resultat vil også verta presenterte i dette kapittelet. Avslutningskapitlet, kapittel 6, inneheld ein freistnad

på å trekkja konklusjonane frå det føregåande arbeidet, og eg vil der summera opp resultatane, samstundes som eg freistar å seia eitkvart om kva som kan vera aktuelle forskingsobjekt i framtida.

1.2 Kva er eigedom?

Før eg går vidare med bakgrunnen for prosjektet er det truleg nyttig med ei forklåring på kva eg legg i omgrep som jordeigedom og jordeigar. Halvard Bjørkvik skriv i *KLNM* at jordeigedom er «identisk med avkastingsgrunnlaget for det samla talet på gardsbruk» og at det bruksverdet jordeigedom representerer, «stig og fell såleis med talet på gardsbruk i funksjon». Måleininga for dette bruksverdet er landskylda,⁶ og det er rekna ut at den samla landskyldmengda i Noreg kring reformasjonen var på omlag 56.000 laupar smør og at det samla boltalet i tida før 1350 var på kring 330.000 mmb.⁷ Denne definisjonen er i utgangspunktet heilt grei, men det er eitt moment som den tilsynelatande ikkje tek omsyn til, nemleg at eigedom ikkje berre femna jord til jordbruk. Til gardsbruka og andre eigedomar som til dømes allmenningar, låg det også ofte skog, fiskeri, jaktområder, beiteland og andre verdfulle einingar.

Historikaren Gudmund Sandvik skreiv i 1965 i si avhandling *Prestegard og presteløn* at «kvar innehavar av ein fordel åtte denne fordel»,⁸ medan Knut Robberstad (1899–1981) noko tidlegare hadde vist at det etter gammal norsk rettspraksis ofte kunne opererast med forskjellige eigarar til forskjellige utnytingsmåtar innafør ei og same brukseining. Det kunne vera ein eigar til beitelandet, ein annan til skogen, ein tredje til jaktrettane, ein fjerde til fiskerettane, ein femte til berg- eller gruverettane. Dette kallar Robberstad *kloyvd eigedom*.⁹ Det er mange eksempel frå norsk mellomalder at til dømes rettar til fiske er nemnde i transaksjonar, og er skilt frå eigentleg jordeigedom.

Ut frå det ovanståande er det truleg betre å nytta nemningar som grunneigedom og grunneigar framfor jordeigedom og jordeigar, ettersom omgrepet «grunn» også kan femna fiske, skog, jakt og anna. Likevel kan grunneigeomgrepet vera uheldig, eller i det minste skapa misforståingar, då omgrepet oftast vert nytta om byeigedommar i tidleg nytid, og ikkje landeigedommar som gardsbruk og denslags.¹⁰ Jordeigedom og jordeigar er også godt innarbeidde nemningar. Legg ein inn ei utvida tyding, der nemninga jord også femnar fiske, jakt, skog, og så bortetter, er det heller ikkje problematisk å nytta dei. Dermed har eg i denne avhandlingen valt å operera med desse nemningane, og definerer dei på følgjande måte: *(jord-/grunn-)eigedom er retten til å krevja landskyld, eller ei anna form for leigeavgift for bruken av grunnen eller jorda ein kvar bur på eller brukar, og at ein jordeigar er ein person eller*

6. Landskyld er den årlege avgifta som jordleigaren måtte betala til jordeigaren for bruken av jorda, og som regel vart den betalt i naturalia. Jf. Bjørkvik 1965a.

7. Bjørkvik 1962, sp. 664. Talet er seinare oppjustert til omalg 58.000 laup smør, jf. Bjørkvik 1996, s. 62–63 og 83.

8. G. Sandvik 1965, s. 98.

9. K. Robberstad 1963, s. 162–163; jf. T. Iversen 2001, s. 82; Myking 2002, s. 4–5.

10. Jf. t.d. Ersland 1989, og artiklane «Grunnbrev» og «Grunnleie» av Finn Einar Eliassen i *Norsk historisk leksikon*.

ein institusjon som har denne retten. I tillegg kan ein også seia at eigedomsretten også inkluderer retten (for eigaren) til å bruka jorda sjølv, rett nok med eit visst skydd mot oppseiing for ein alt innsett leigetakar. Det knyter seg elles ein del andre terminologiske og innhaldsmessige vanskar til eigedomsomgrepet når ein skal samanlikna med andre europeiske samfunn i mellomalderen, men dette kjem eg nærare inn på i kapittel 5 (sjå s. 540 og utetter).

Dei siste åra er det nok Tore Iversen som har arbeidd mest med eigedom og eigedomsomgrepet i norsk mellomalder.¹¹ Han har gjennomført ei undersøking i tre norske lover frå 1100- og 1200-talet (Gulatingslova, Frostatingslova og Landslova av 1274), der han har sett på omgrepa for jordeige og jordleige. Iversen viser der at lovgjevinga i Noreg ser ut til å følgja eit mønster i europeisk jurisprudens i høg mellomalderen.¹² Gulatingslova, som er den gjeldande lova i mitt undersøkingsområde, med sin siste redaksjon frå 1160-åra, opererer omtrent ikkje med eit ålment omgrep for jordeigedom, medan det i Frostatings- (1220-åra, med endringar heilt fram til 1260) og Landslova (1274) ser ut til å ha sett seg eit omgrep som vanleg nemning for jordeigedom – *eign*.¹³ Han undersøkte vidare førekomstane av verbet *eiga* i dei tre lovene,¹⁴ eit ord med svært vidt tydingsinnhald, og fann då at det ikkje ser ut til å vera den store skilnaden mellom dei med omsyn til å «eiga, ha» jord, kontra det å «eiga, ha» gjenstandar og personar. Men Gulatingslova ser ut til å ha ein meir frekvent bruk av ordet enn Frostatings- og Landslova med omsyn til «ikke-gjenstandsmessige forhold, dvs. hvor det dreier seg om å “inneha” myndigheter, rettigheter, krav o.l.». Tore Iversen meiner at ettersom same verbet nyttast til å fortelja at jord og gjenstandar tilhøyrer ein person, såvel som at rettar og krav tilhøyrer personen, må dette tyda at lovene «i mindre grad oppfatter et skille mellom to slike sfærer» (Iversens utheving). Særskilt gjeld dette Gulatingslova, og dette er viktig ettersom lova ikkje opererer med eit fast jordeigedomsgrep.¹⁵

Det er først på 1200-talet at det ser ut til å verta vanleg å ta i bruk eit overordna jordeigedomsgrep i rettskjeldene, og dette må ein sjå i samanheng med samtidig europeisk rett og læra om dei to typane eigedom (*dominium utile* og *dominium directum*).¹⁶ Tore Iversen konkluderer med at ein ten-

11. T. Iversen 2001, 2002 og 2005. Den grunnleggjande artikkelen her er T. Iversen 2001, med ein kortare versjon i T. Iversen 2002. Ein lett revidert versjon på engelsk finn ein i T. Iversen 2005 (etter eit foredrag på Carlsbergkonferansen *How Nordic are the Nordic Medieval Laws?* i mai 2003). Også John Ragnar Myking drøftar eigedomsomgrepet i si doktoravhandling (Myking 2002), men primært med vekt på tidleg nytid.

12. T. Iversen 2001, s. 110.

13. T. Iversen 2001, s. 88–91 og 107.

14. T. Iversen 2001, s. 94–99.

15. T. Iversen 2001, s. 108.

16. T. Iversen 2001, s. 109.

tativt kan rekna med at Gulatingslovas redaksjon frå 1160-åra står i startfasen av ei utvikling i retning av eit strukturert sakleg-økonomisk leiglendingsvesen i Noreg, eit system som er modent i Landslova. Dermed kan neppe det «modne» leiglendingsvesenet som Andreas Holmsen og andre har framstilt, ha vore ein realitet før frå midten av 1100-talet. Før denne tida må det dermed ha eksistert andre system.¹⁷ I denne avhandlinga er likevel nesten alt kjeldetilfanget frå den tidbolken eit strukturert sakleg-økonomisk system var «modent», og dermed får ikkje Iversens forskingsresultat stor innverknad på min bruk av eigedomsomgrepet.

17. T. Iversen 2001, s. 110.

1.3 Bakgrunn for prosjektet

1.3.1 Norsk jordeigedomshistorie

Jordeigedomshistorie er ein etter måten ung disiplin i norsk historiografi, og det er først på 1900-talet at ein får dei første eigentlege eigedomshistoriske studiane.¹⁸ Historikarar som Rudolf Keyser (1803–1864), P. A. Munch (1810–1863), Torkel H. Aschehoug (1822–1909), Yngvar Nielsen (1843–1916) og Ernst Sars (1835–1917), som var mellom dei som skreiv noko om jordeigedom og godsforming i eldre tid, gjorde dette på eit svakt kjeldegrunnlag, og Audun Dybdahl har kalla denne epoken i norsk jordeigedomshistorie den «førstatistiske tidsepoke».¹⁹ Det er først med Oscar Albert Johnsen (1876–1954) lokalhistoriske arbeid om Hurum²⁰ at ein får den første grundige studia av jordeigedomshistoria i ei bygd frå mellomalderen og framover til forfattarens eiga samtid. Sidan den gongen har jordeigedomshistorie vore ein integrert del av lokalhistoriske arbeid i form av bygdebøker og liknande. Eit stort framsteg kom dessutan med lokalhistorikaren Lorens Bergs (1862–1924) to artiklar i *Historisk tidsskrift* om jordegodsfordelinga i Tønsberg og Brunla len i tida 1650–1700, der han legg vekt på å framme fordelinga av jordeigedom mellom dei viktigaste gruppene av jordeigarar.²¹

Men det var først med dei sentrale agrarhistorikarane Sigvald Hasund (1868–1959) og Asgaut Steinnes (1892–1973) at jordeigedomshistoria fekk sine kan henda viktigaste verktøy, trass i at ingen av desse to arbeidde særskilt med jordeigedomshistorie.²² Hasund påviste fall i jordprisar og landskyld og auke i talet på øydegardar i seinmellomalderen, i samband med pestkrisene frå midten av 1300-talet og frametter.²³ Asgaut Steinnes utførte eit banebrytande arbeid med omsyn til opprydding i og forståinga av mål-, vekt-, verdi- og ikkje minst skattesystema i mellomalderen,²⁴ noko som var naudsynt for å kunna utnytte primærkjeldene frå denne tida.

Den som vel framfor nokon må reknast som det store namnet i eldre norsk jordeigedomshistorie, er agrarhistorikaren Andreas Holmsen (1906–1989). Ikkje minst i artikkelen «Nye metoder

18. I denne historiografiske framstillinga støttar eg meg mykje på Audun Dybdahls gjennomgang i Dybdahl 1989, s. 13–17.

19. Dybdahl 1989, s. 13–14.

20. Oscar Albert Johnsen, *Hurum herred: En historisk-topografisk beskrivelse* (Kristiania, 1903).

21. L. Berg 1909a og 1909b.

22. Steinnes har likevel gjort ein del mindre lokale jordeigedomsstudier i samband med genealogiske artiklar. Sjå t. d. Steinnes 1942, 1951a, 1951b, 1953, 1957, 1961, 1962a, 1962b, 1965–1966, 1966 og 1971.

23. Sigvald Hasund, «Ikring mannedauden: Ei liti sogestudie», i *Beretning om Norges landbruks- og skolevesens virksomhet 1918–1919*.

24. Steinnes 1927; Steinnes 1929; Steinnes 1930–1933; Steinnes 1936.

innen en særskilt gren av norsk historieforskning» gjev han eit innblikk i metodane han meiner må nyttast i arbeidet med agrar- og jordeigedomshistoriske studiar.²⁵ Nokre år tidlegare hadde han gjeve stor plass til nettopp jordeigedomshistoria i lokal- og regionhistoriske arbeid om Eidsvoll og Sogn,²⁶ og i 1940 sendte han inn eit forslag til Institutt for sammenlignende kulturforskning om å ta opp jordeigedomstilhøva til komparativt studium, med utgangspunkt i norsk jordeigedomshistorie.²⁷ Forslaget førte ikkje fram i den grad Holmsen hadde ønska, men dette arbeidet vart likevel retningsgjevande for seinare eigedomshistorisk forskning i Noreg.²⁸

1.3.2 Jordeigedomfordelinga

Alle nyare norske historieverk,²⁹ det vil seia frå 1970-åra og frametter, og som omhandlar mellomalderen, fortel oss at ved inngangen til (omlag 1350) og utgangen av (omlag 1500/1536) av seinmellomalderen var distribusjonen av jordeigedom omlag som følgjer:

Tabell 1-1. Presumptiv jordeigedomfordeling i Noreg i seinmellomalderen

<i>Eigar</i>	<i>Eigedom 1350 i %</i>	<i>Eigedom 1500/1536 i %</i>
Krona	7 %	7 %
Adelen	20 %	15 %
Kyrkja	40 %	48 %
Bønder og bymenn	33 %	30 %

Desse tala byggjer på utrekningar gjort av Halvard Bjørkvik, og vart publiserte første gong i 1970, med dei siste publiserte justeringane i 1996.³⁰ Det er fleire spørsmål som kan stillast til dette oversynet. Det mest iaugnefallande er kan henda den enorme godsmengda som kyrkja tilsynelatande sat med så tidleg som i 1350. Dersom dette talet er rett, er det truleg utan parallellar i samtidig europeisk historie. Etter mitt syn er det mykje som talar mot at dette talet hjå Bjørkvik kan vera rett, og at det er mykje for stort. Eg kjem tilbake til dette i kap. 5.2.9.

25. Holmsen 1940.

26. Holmsen 1936–1941; Holmsen 1937.

27. Publisert i Holmsen 1946–1948, og trykt på nytt i Holmsen 1966, s. 72–97.

28. Dybdahl 1989, s. 17.

29. Imsen og Sandnes 1976, s. 200–201; Benedictow 1977, s. 12; K. Helle 1991, s. 52; Rian 1995, s. 37–38; K. Helle 1995, s. 110; Bagge og Mykland 1996, s. 26; Erslund og Sandvik 1999, s. 57 og 59–60; Jón Viðar Sigurðsson 1999, s. 202; Moseng et al. 1999, s. 230; Øye 2002, s. 221–222; Orrman 2003a, s. 299; Orrman 2003b, s. 583. Jf. også Bjørkvik 1992 og Bjørkvik 1996. C. Krag 2000, s. 152, nyttar K. Lunden 1976 som sitt utgangspunkt, med mindre variasjonar i tala. K. Lunden 2002, s. 96, avvik på si side noko frå sine tidlegare tal. Samla sett varierer likevel ikkje tala for jordeigedomfordelinga svært mykje frå ein historikar til ein annan, og alle tal har sitt utgangspunkt i Bjørkvik.

30. Bjørkvik 1970; Bjørkvik 1996, s. 62–63 og 83. Noko avvikande tal vart publiserte i Bjørkvik 1962, men det er i hovudsak tala frå 1970 (med seinare justeringar) som har vorte refererte av seinare norske historikarar.

Det som må reknast som grunnlagsmaterialet for Bjørkviks tal frå 1970, er ein serie med artiklar publiserte i åra 1952–1954 i band 9 av tidsskriftet *Heimen* av Halvard Bjørkvik og Andreas Holmsen, under tittelen «Kven åtte jorda i den gamle leiglendingstida?». Alle artiklane er seinare samla og trykte på ny i bokform.³¹ Holmsen og Bjørkvik gjev i dette arbeidet eit oversyn over jordeigedomstilhøva i Noreg i 1661, i hovudsak basert på ekstraktane over jordeigedomfordelinga som var utarbeidde av landkommisær Nicolas Paulsen i 1661. I tillegg til dette freistar Holmsen og Bjørkvik å gje eit attersyn over jordeigedomstilhøva i eldre tid, stundom jamvel tilbake til tida før den tradisjonelle rikssamlinga under Harald Hårfagre. I norsk historieskriving har denne metoden vorte kjent som den *retrospektive metoden*. Historikaren Tor Weidling har nyleg peika på at eitt av dei metodiske problema med arbeidet er at skildringane av utviklinga i jordeigedomstilhøva i mange tilfeller ikkje er basert på konkrete studiar, «men på ganske allmenne resonnementer om hvordan utviklingen må ha vært»³² i følgje Holmsen og Bjørkvik. Ein ser altså at Holmsen og Bjørkvik nyttar tala frå 1661 – på dels sviktande grunnlag – til å gjennomføra regionale komparasjonar i fortid såvel som i samtid. Til dømes hevdar dei at eit område med lite adelsgods i 1661, må ha hatt lite adelsgods også i dei føregåande århundra, og i alle høve i tida etter rikssamlinga!³³ Denne argumentasjonen har i det store og heile vore godteke av seinare norske historikarar.³⁴ Grunnlagsmaterialet for tilbakeslutningar frå 1661, er altså svært dårleg. Bjørkvik og Holmsen peikar då også sjølve på at det beste grunnlaget for å studera jordeigedomstilhøva i eldre tid, vil vera å gjennomføra ei fullstendig undersøking av eigedomstilhøva i alle gardar og gardpartar i heile landet.³⁵

Nyare undersøkingar utført av Tor Weidling i adelsgodset i to regionar frå slutten av 1500-talet og fram til 1661, viser store og raske fluktuasjonar og endringar både med omsyn til adelsgodsets totale storleik og den geografiske spreinga av det. Han viser dermed at jordeigedomfordelinga før 1661 berre kan studerast gjennom konkrete og kjeldekritiske studiar basert på alt tilgjengeleg kjelde-materiale for dei områda som skal undersøkast.³⁶ Det kan vidare påvisast at mykje av jordeigedomen til byborgarar og embetsmenn i første del av 1600-talet, tidlegare var i eiga til adelen, og at det hadde vorte pantsett eller selt.³⁷ I tillegg til dette kan det også påvisast at mange av dei største bondegodseigarane i odelsjordebøkene 1624/1626 var etterkomarar av lågadelen frå slutten av

31. Bjørkvik og Holmsen 1978.

32. Weidling 2003, s. 353.

33. Sjå t. d. Bjørkvik og Holmsen 1978, s. 26, og fleire andre stader.

34. Sjå t. d. K. Helle 2001, biletteksten på s. 125, der det vert hevda at prosentane med jord i bondelege i 1661 i ulike områder, speglar i store trekk tilhøvet mellom bondesjølveige og leigejord kring 1300.

35. Bjørkvik og Holmsen 1978, s. 11; Weidling 2003, s. 354.

36. Weidling 2001; Weidling 2003, s. 363–376.

1500-talet og tida før reformasjonen. Dersom deira jordeigedom vart rekna som odel i 1624, kan ein knapt hevda at dette var jord i bondeei på reformasjonstida. Det meste av den norske lågadelen ser ut til å forsvinna i løpet av dei første hundre åra etter reformasjonen, og det er desse som «søkk ned i bondestanden» for å bruka ein norsk historiografisk klisjé. Eit hovudproblem med tala frå 1500/1536 er dermed kvar ein skal trekkja grensa mellom bønder og bymenn på den eine sida, og adelen på den andre sida. Kva kriterier har ein nytta for å skilja bønder og bymenn frå det verdslige aristokratiet her? Etter mitt syn er dette uråd å gjera med bakgrunn i arbeida til Holmsen og Bjørkvik, og det einaste forsvarlege er å nytta ei felles nemning som til dømes private jordeigarar for begge desse kategoriane, inntil det er råd å skilja dei på eit vitenskapleg grunnlag. Det samla talet ein då får på jord i eiga til private jordeigarar i 1500/1536 er omlag 45 %, og det er det ikkje nokon grunn til å setja dei store spørsmålsteikna ved. Tala frå 1350 er det verre med – dei kan knapt reknast for å vera pålitelege i det heile. Eg skal koma tilbake til dette i kapitla 5.2.9, 5.2.10 og 6.1.

37. Til dømes utferda adelsmannen Palle Friis til Lundergaard eit pantebrev i 1611, der han vedgår at han med samtykke av si kjære hustru Anne Hård har pantsatt til ærleg og gudfryktig kvinne Mette Jensdotter, salig herr Mikkel Mikkelssons etterleverske i Sogndal, for 436 ½ riksdaler, deira odelsjorder i Sogn len. Brevet er truleg tapt, men finnest i avskrift i Iver Eriksen Legangers jordebok frå slutten av 1600-åra (UBB, Ms 83, s. 71). Det finnest massevis av andre eksempel på dette.

2 Samfunnsvitskapelege teoriar

2.1 Innleiing

Det sentrale elementet i det eg har kalla sosial identifikasjon av dei individa eg handsamar i denne avhandlinga, er sosial stratifikasjon. Og til grunn for sosial stratifikasjon ligg ei fordeling av makt. Personar som har mykje makt tilhøyrer også som regel eit høgt sosialt strata. Difor er det også viktig å drøfta desse omgrepa og teoriane som ligg til grunn for dei, i forkant av den sosiale identifikasjonen i kap. 4.

Den britiskfødde sosiologen Michael Mann skriv i innleiingskapittelet til det første bandet i serien *The Sources of Social Power*, at samfunn ikkje er einskapelege, dei er ikkje sosiale system, dei er ikkje totalitetar. Samfunn er samansette av mangfoldige overlappende og kryssande sosiospatielle maktnettverk. Dette medfører, seier Mann, at ei generell skildring av samfunn, deira struktur og deira historie, kan best gjerast med klare uttrykk for interrelasjonane mellom det han kallar dei fire kjeldene for sosial makt: ideologiske, økonomiske, militære og politiske relasjonar. Desse relasjonane er overlappende nettverk av sosiale interaksjonar, ikkje dimensjonar, nivå eller faktorar i ein einskild sosial totalitet. Relasjonane er også organisasjonar eller institusjonelle midlar for å oppnå menneskelege mål, men deira sterke posisjon kjem ikkje frå styrken i den menneskelege streben etter ideologisk, økonomisk, militær eller politisk tilfredsstilling, men frå dei særskilde organisasjonelle midlane som kvar og ein har for å nå desse menneskelege måla, kva måla enn måtte vera.¹ Den britiske historiske sosiologen Walter Runciman er ikkje samd med Mann i at det finnest fire typar for makt. Han hevdar at sjølv om ein kan skilja militære institusjonar frå politiske institusjonar som middel for utøving av tvangsmakt (*coercive power*), er ikkje den militære makta vesensforskjellig frå den politiske makta som *type* av makt.² Det finnest argument både for og mot synet til Runciman, men eg vel å operera med Manns fire typar for makt i det etterfølgjande. Ikkje minst av di det

1. Mann 1986, s. 1–2.

2. W. Runciman 1989, s. 2–3, 12–17 og 20–24. Jf. Rigby 1995, s. 329, note 24.

er oppørtunt med omsyn til mellomalderen, der militærmakt jamt over ikkje er ei sentralisert makt i motsetnad til politisk makt.

Samfunn er, held Mann fram, mykje meir rotete enn teoriane våre om dei, noko også Marx og Durkheim vedgjekk. Max Weber fann jamvel opp ein metodologi av idealtypar for å hanskast nettopp med dette rotet. Michael Mann følgjer Webers eksempel, og meiner det *er* mogleg å koma opp med eit brukande metodologi, men berre dersom ein kan operera med konsept «suited to dealing with a mess».³ Det Michael Mann skriv om samfunnet som heilskap (dersom det er ein heilskap), er like sjølvsgt med omsyn til delar av samfunnet, også med omsyn til sosiale klassar, statusgrupper, stender, eller kva omgrep ein skal bruka når ein snakkar om aristokrati, adel eller elite. Alle omgrepa, same kva ein vel å bruka, er aldri heilt dekkande og alltid overlappande. Det finnest alltid gråsoner der andre omgrep kjem inn og kan vera like brukande.

Eg skal koma attende til stratifikasjonsteoriar nedanfor, men ettersom makt er det som i hovudsak er definerande for stratifisering av samfunn, ser eg det først som turvande å gå nærare inn på maktomgrepet.

3. Mann 1986, s. 4.

2.2 Makt

‘In tempore sum et de tempore loquor,’ ait Augustinus, et adiecit: ‘nescio quid sit tempus.’ Ego simili possum admiratione dicere quod in curia sum, et de curia loquor, et nescio, Deus scit, quid sit curia.⁴

Det var mykje makt samla ved hoffet til den engelske kongen i siste halvta av 1100-talet. Men på same måte som at Walter Map har vanskar med å forklåra kva hoffet eigentleg er, vert det fort klart når ein arbeider med europeisk adel eller aristokrati i mellomalderen, at defineringsproblemet er vanskeleg, og at det som ser ut til å vera meir eller mindre det einaste fellestrekket med alle aristokratar, adelsmenn og elitar i Europa i tidleg- og høgmellomalder, er at dei hadde *makt* av eitt eller anna slag (sjå s. 38). Dermed er samfunnsvitskaplege teoriar kring makt viktige for forståinga så vel som defineringsproblemet av dette aristokratiet. *Makt* kan tentativt definerast som evnen til å utøva nok innverknad på andre slik at dei vil gjera noko dei ellers ikkje ville ha gjort, eller i det minste ville vera tilbakehaldne med å gjera. Dette er nært opp til Robert A. Dahl sin intuitive idé om makt, som han uttrykte i ein artikkel i *Behavioral Science* i 1957: «A har makt over B i den grad at han kan få B til å gjera eitkvart som B ellers ikkje ville ha gjort.»⁵ Litt annleis kan det formulerast slik: Ein person eller ei gruppe med makt har midlar eller høve til å utøva innverknad på livet eller levebrødet til andre på ein slik måte at det er sannsynleg å få deira hjelp (anten den no er tvungen, motvillig eller frivillig) til å realisera sine egne interesser.

Den norske sosiologen Gudmund Hernes hevda i 1978 at «en aktør har *makt* i den utstrekning han kan realisere sine interesser: direkte i den utstrekning han har autonomi, indirekte i den utstrekning han må bytte til seg kontroll for å virkeliggjøre sine formål.»⁶ Arbeidet til Hernes er best kjent gjennom boka hans frå 1975, *Makt og avmakt*, som var meint å vera det teoretiske grunnlaget for den første norske maktutgreiinga. Han byggjer i hovudsak på økonomisk teori og såg på makt som ei form for profittmaksimering, oppnådde gjennom bytetransaksjonar.⁷

Nært knytta til omgrepet *makt*, er *herredøme*, og dei to orda vert under tida nytta synonymt. Dei er vanskelege å skilja frå kvarandre, og det finnest ingen allmenn semje innan sosiologien om korleis ein skal skilja dei. Likevel er det ein tendens til å sjå på makt som illegitimt herredøme, og

4. Walter Map, *De nugis curialium*, i. 1: «I tida lever eg, og om tida snakkar eg’ sa Augustin, og la til, ‘Kva tida er, det veit eg ikkje.’ Med tilsvarende perpleksitet kan eg seia at eg er ved hoffet og eg snakkar om hoffet, men Gud veit kva hoffet er.»

5. Sitert etter McFarland 2001, s. 11936–11937. Jf. også Abercrombie et al. 2000, s. 275–276, s. v. «power»; Robertson 2000, s. 399, s. v. «Power».

6. Hernes 1978, s. 10–11.

7. Bagge 2003b, s. 3.

herredøme som legitim makt.⁸ *Autoritet* kan sjåast som synonymt med herredøme på den måten at autoritet oftast er sett på som eit konsept der folk (meir eller mindre) frivillig lystrar ordrar av di dei oppfattar autoritet som ei legitim form for makt.⁹ David Robertson definerer autoritet som retten til å gje ein ordre som vil verta etterlevd utan at det vert stilt spørsmål om retten til å gje ordren, eller, dersom ikkje ein ordre, retten til å påkalla legitim makt til støtte for ei avgjerd.¹⁰

Moderne maktteori har fokusert meir på kulturell makt enn på uttrykk for fysisk eller lovleg makt.¹¹ Dette er ikkje minst tilfellet med to av dei mest framstående deltakarane i moderne teori-diskusjonar, dei franske akademikarane Pierre Bourdieu (1930–2002) og Michel Foucault (1926–1984). Bourdieu hevdar til tider at makt samsvarar med distribusjonen av kapital. Når ein kvan har mykje kapital, har vedkommande samstundes også makt. Nøkkelen til denne tilsynelatande paradoksale utsegna ligg i at Bourdieus oppfatning av *kapital* skil seg frå den meir vanlege oppfatninga av tydingsinnhaldet i ordet. Til liks med Karl Marx insisterer Bourdieu på at kapital ikkje er ein ressurs, men eit sett av relasjonar, og at desse relasjonane er karakterisert ved sosial ulikskap, utbytting og herredøme. Ved å kombinera diskusjonen om makt til diskusjonane om sosial ulikskap og reproduksjonen av denne ulikskapen, knytter Bourdieu maktstrukturane til tradisjonelle sosiologiske tema. Han ser ikkje ut til å leggja vekt på problem som har vore sentrale i diskusjonar om politisk vitskap, men ser snarare ut til å angripa desse spørsmåla indirekte gjennom å analysera visse sosiale «felb» og ved å studera dominerande former for retorikk. I stor grad kviler Bourdieus undersøkingar på Marx sine analyser av klassane, men han erstattar dei materielle ressursane med kulturelle ressursar, og hovudskiljet mellom elitane og massane kjem til uttrykk gjennom utdanning, smak og meistringa av eit språk som får verdiane og haldningane til eliten til å verka både rett og fornuftig. Bourdieu hevdar elles at økonomisk kapital er det dominerande prinsippet for stratifikasjon.¹²

For Michel Foucault handlar historia om forskjellige *epistemer*, eller kunnskapsregimer, som dannar dei sentrale sosiale institusjonane og ideologiane. Erling Sandmo påpeikar at Foucault er ein maktteoretikar utan ein teori om makt, eit poeng som også Foucault understrekar sjølv. Arbeida hans er «historiske analyser, riktignok av makt, men ikke av makten 'i seg selv' og aldri bare av

8. Østerberg 1997, s. 105.

9. Abercrombie et al. 2000, s. 21, s. v. «authority». Jf. Weber 1978, I, s. 53, 212 og 215–216; Østerberg 1997, s. 106–107.

10. Robertson 2002, s. 34, s. v. «Authority»: «[T]he right to give an order, which will be obeyed with no question as to that right, or, if not an order, the right to evoke legitimate power in support of a decision».

11. Bagge 2003b, s. 3–4

12. Bagge 2003b, s. 4; Danielsen og Hansen 1999, s. 50.

makt». Studiet av makt er heller ikkje Foucaults hovudinteresse, og det kan dermed verka noko underleg at han har vorte trekt såpass mykje inn i den maktteoretiske diskusjonen. Det siste skuldast nok i hovudsak vektlegginga til Foucault av dei sterke banda mellom makt og kunnskap, og argumentet om at makt ikkje eksisterer uavhengig av kontekst, det er ikkje noko som berre *er*, men snarare er makt først og fremst dynamisk, det er noko som *bender*.¹³

2.2.1 Michael Mann

Michael Mann er truleg den i nyare tid som har skriva best om makt i eit historisk perspektiv. Mann sjølv oppsummerte sitt syn på utøving av makt i eit intervju med Harry Kreisler i februar 2004 på følgjande måte:

If people want to exercise power there are four essential ways of doing it: one is to control the means of economic production: economic power; one is to control the ideology, the belief system; the third is to control military power; and the fourth is to control the state, political institutions.¹⁴

Mann opererer altså med fire måtar å utøva makt på, eller fire typar/kjelder/områder av/for makt, i motsetnad til tradisjonell sosiologi som i hovudsak opererer med tre.¹⁵

Ideologisk makt handlar primært om å kontrollera trussystema hjå folk. Folk flest har trong for forklåringar av meiningar bak diverse sanseintrykk, og dei som greiere å monopolisera desse forklåringane har dermed ei kjelde til ideologisk makt. Ei anna kjelde til ideologisk makt er monopolisering av normer, det vil seia korleis folk skal oppføra seg moralsk eller etisk i samhøve til andre folk. Den tredje kjelda er kontroll med estetiske og/eller rituelle praksisar, ikkje minst religion eller ideologi.¹⁶ Ideologisk organisasjon førekjem i to hovudtypar. Den eine og meir autonome forma overgår alt, den er «socio-spatially transcendent». Den overgår alle eksisterande institusjonar for ideologisk, økonomisk, militær og politisk makt og dannar ein slags «heilag» autoritet, som både er forskjellig frå og heva over meir sekulære autoritetsstrukturar. Den andre forma er ideologi som ibuande, eller immanent, moral. Denne immanente ideologien er ikkje like autonom i forma, etter som den i hovudsak bidreg til å styrkja det som alt er til stades.¹⁷

13. Bagge 2003b, s. 4; Sandmo 1999, s. 81, 90 og 94.

14. Michael Mann i samtale med Harry Kreisler i TV-programmet *Conversations with History* den 27. februar 2004, som vert sendt frå Institute of International Studies, University of California Berkeley. Både program og transkribert intervju vart aksessert i oktober 2005 på <<http://globetrotter.berkeley.edu/people4/Mann/>>. Jf. Mann 1986, s. 22–28.

15. Mann 1986, s. 10.

16. Mann 1986, s. 22–23.

17. Mann 1986, s. 23–24.

Økonomisk makt har sitt utspring i tilfredsstilling av overlevingstronga gjennom sosial organisering av innhenting, omdanning, distribusjon og forbruk av naturprodukt.¹⁸ Kontroll med heile eller delar av denne organiserte verksemda gjev varierende grad av økonomisk makt. Økonomisk makt er likevel relativt diffus og vanskeleg å kontrollera frå berre eitt sentrum. Økonomisk organisasjon består av syklusar av produksjon, distribusjon, byte og forbruk.¹⁹

Militær makt skil Mann, i motsetnad til dei fleste andre sosiologar, frå politisk makt, ettersom dei langt fleste historiske statsdanningar ikkje har hatt monopol på organisering av militære styrkar, og mange har ikkje ein gong gjort forsøk på å hevda at dei har hatt det. Ikkje minst i mellomalderen er dette tilfelle, der militære styrkar ofte var i hendene på lokale leiarar. Private krigar var vanleg, og erobringar vart ikkje sjeldan utførte av militære grupperingar uavhengige av eventuelle statsdanningar i heimlandet. Jamvel kunne nyvinningar innan den militære organiseringa og erobringarsforsøk i utlandet, føra til nye statsdanningar i heimlandet, noko som til dømes ser ut til å ha vore tilfellet i dei skandinaviske landa i samband med vikingferdene. Militær makt har sitt opphav og utspring i tronga for organisert fysisk forsvar samt den nytteverdien som finnest i aggresjon. Dei som maktar å monopolisera slik makt, kan oppnå både kollektiv og distributiv makt.²⁰

Politisk makt er sentralisert, institusjonalisert eller territorielt regulert makt. Den har sitt grunnlag i utnyttinga av sentraliserte, institusjonaliserte og territorialiserte reguleringar av mange aspekt ved sosiale relasjonar. Mann avgrensar politisk makt til det han kallar «statsmakt», altså reguleringar og tvang som er administrert frå eit sentrum og territorielt avgrensa. Definert slik bidreg politisk makt til å forsterka territorielle grenser, medan andre maktkjelder kan gå over desse grensene. Der militær, ideologisk og økonomisk makt kan involvera seg i alle sosiale samhandlingar alle stader, er politiske relasjonar avgrensa til eitt område, eitt sentrum. Politisk makt er lokalisert i og vert utøvd ut frå dette sentrumet. Politisk makt er uunngåeleg sentralisert og territoriell, og skil seg dermed frå dei andre kjeldene for makt.²¹

Michael Mann freistar å oppsummera sin modell for organisert makt i ei diagrammatisk form (sjå fig. 1 nedanfor). Overvekta av stipla linjer i diagrammet indikerer «the messiness» i menneskelege samfunn, og teoretiske modellar kan berre femna nokre omriss.²² Skal ein ta vare på eit over-

18. Mann 1986, s. 24: «*Economic power* derives from the satisfaction of subsistence needs through the social organization of the extraction, transformation, distribution, and consumption of the objects of nature».


19. Mann 1986, s. 24–25.

20. Mann 1986, s. 10–11 og 25–26.

21. Mann 1986, s. 11 og 26–27.

22. Mann 1986, s. 28–30.

skot i eit samfunn, sjølv om overskotet er produsert av einskildindivid, må ein ha ei form for sosial organisering. Det er nemleg trong for normer med omsyn til eigedom av dette overskotet. Efttersom slike normer gjerne ikkje vert følgte av alle, har ein også trong for fysisk forsvar. Produksjon føregår vanlegvis heller ikkje på individuelt nivå, men snarare på sosialt nivå. Dermed vert både eigedom, bruk og forsvar av naturressursane lett påverka av sjølv den enklaste forma for sosial organisering. Tre menn eller kvinner som arbeider og slåst som eit lag, vil normalt kunna ta livet av eller produsera mykje meir enn tre menn som opptrer som individ, uavhengig av kor sterke desse tre mennene er. Ut frå dette er det klart at uansett kva form for makt det er tale om, er denne makta i hovudsak delt ut til dei som har den gjennom sosial organisering.²³



Figur 1. Kausal IEMP-modell (ideologi, økonomi, militær, politikk) for organisert makt (Mann 1986, s. 29)

2.2.2 Makt i Noreg i mellomalderen

Sverre Bagge freistar i sitt arbeid frå 2003 både å «rehabiliterer 'gammeldagse' forestillinger om makt over liv og død som det sentrale uttrykk for makt og å oppspore de kulturelle forutsetninger for de endringer i maktbruk og maktforståelse som kan konstateres i middelalderen.»²⁴ Bagge peikar på at hovudlina i maktutviklinga i Noreg frå tidleg til seinmellomalder, er ei utvikling som går frå ei i hovudsak personleg makt til ei institusjonell makt, frå rett grunnlagt på makt til makt grunnlagt på rett, og frå fysisk makt til legal-institusjonell makt. Kva som var det sosiale grunnlaget for denne utviklinga, og kor langt denne utviklinga gjekk i mellomalderen, har det vore usemje om mellom

23. Mann 1986, s. 51.

24. Bagge 2003b, s. 4–5.

norske historikarar.²⁵ Denne usemja har for ein stor del falle saman med synet på fordelinga av politisk makt. Det vil føra for langt å gå i detalj inn i denne diskusjonen her, men eg viser i staden til Sverre Bagges gjennomgang av den i hans maktrapport om tilhøva i Noreg i mellomalderen.²⁶ Det kan likevel kort nemnast at delar av diskusjonen har preg av at ein delvis har diskutert forbi kvarandre.

Makt i Noreg i mellomalderen eksisterte sjølvsagt i alle formene som Mann har sett opp, og at både symbolsk, kulturell og kunnskapsbasert makt eksisterte, er det heller ikkje nokon grunn til å tvila på.²⁷ Makt er naudsynt for organisering av eit kvart samfunn, og organisering er ein viktig basis for makt. Manns fire maktområder er eit fruktbart utgangspunkt for skildringa av makt i mellomalderens Noreg. Eit skilje mellom elitane og massene kan trekkjast innanfor alle desse fire områda, sjølv om det vil vera uklårt nøyaktig kvar ein skal trekkja desse skiljelinjene. Det er primært i samband med dette at maktteoriar og makthistorie er nyttig for denne avhandlinga.

Sverre Bagge har greitt summert det på følgjande måte. I det økonomiske området kan ein skilja mellom jordeigarar og jordleigarar i klassesystem. Handel førekjem også, men dei som driv med handel dannar ikkje naudsynleg ein eigen klasse. På det militære området finnest ikkje det same skiljet mellom elite og folk, ettersom folket utgjorde ein del av militærapparatet, rett nok som oftast under leiing av eliten. Kyrkja hadde også eit militærapparat, men monaleg mindre og svakare enn det sekulære militærapparatet. Innanfor det ideologiske området var kyrkja den fremste, men den ideologiske eliten var eksklusiv og avgrensa gjennom kunnskap. Det politiske området samsvarar i stor grad med dei andre maktområda, og den politiske eliten overlappar med elitane på dei andre felt. Ein kan gjerne dela den i ei geistleg og ei verdsleg elite, som ikkje sjeldan hadde motstridande interesser. Begge desse elitane var mektige og dei hadde stor innverknad på alle andre maktområder.²⁸

25. Bagge 2003b, s. 76.

26. Bagge 2003b, s. 76–95.

27. Jf. Bagge 2003b, s. 90–95.

28. Bagge 2003b, s. 97–99.

2.3 Sosial stratifikasjon og mobilitet

2.3.1 Innleiing

Dei forskjellige termene, anten det no er aristokrati, adel, elite eller noko anna, har alle det til felles at dei er meir eller mindre tvetydige konstruksjonar så vel som uttrykk for forsøk på å definera eller namngje eitt eller fleire samfunnslag basert på eit konsept om *sosial stratifikasjon*. I nær sagt alle samfunn finnest det ei eller anna form for sosial differensiering av den typen at dei forskjellige samfunnsmedlemmene kan skiljast frå andre medlemmer i det same samfunnet ved eitt eller fleire kriterier, til dømes rikdom, makt, autoritet, status eller ære, samstundes som samfunnsmedlemmene sjølve vektlegg desse forskjellane når dei interagerer. Når slike skilnader ikkje lenger berre gjeld individ, men heile grupper, snakkar ein gjerne om sosial stratifikasjon. Formene som denne sosiale stratifiseringa tek, varierer sjølvstendig frå eitt samfunn til eit anna. Dette gjeld både dei skilnadene som vert vektlagde i samfunnet, så vel som dei relasjonstypene som finnest mellom samfunnets høgare og lågare lag.²⁹

Når historikarar freistar å skildra kva former for sosial stratifikasjon som finnest, plar dei som oftast å velja eitt av tre vide perspektiv eller bilete på den sosiale strukturen. Det første av desse perspektiva, som har vorte omtalt som ei dikotomisk oppfatning av samfunnet, ser på sosiale strukturar som termar for ein eller fleire binære opposisjonar, som til dømes mellom eigar og ikkje-eigar, herre og tenar, eller arbeidsgjevar og arbeidstakar. Det klassiske eksempelet på eit slikt dikotomisk perspektiv er den marxistiske sosialteorien, som ser på samfunnet gjennom polariserte samfunnsklassar. Det andre perspektivet handlar om sosial gradering og ser på samfunnet som eit gradert hierarki av samfunnsgrupper. Det sosiale hierarkiet vert sett på som eit kontinuum definert av eitt kriterium (enkel gradering), som til dømes rikdom, eller fleire sjølvstendige kriterier (syntetisk gradering). Det tredje perspektivet er det funksjonelle perspektivet, der samfunnet vert oppfatta som eit organisk heile som er sett saman av eit antal funksjonelle og innbyrdes avhengige samfunnsgrupper. Dei to siste perspektiva finn ein i den amerikanske eller liberale stratifikasjonsteorien som tek sitt utgangspunkt i Max Weber, og denne tradisjonen står i sterk kontrast til den marxistiske sosialteorien.³⁰ Før eg går vidare inn på dei forskjellige stratifikasjonsteoriane vil eg kort seia noko om sosial status og gjennomgå dei vanlegaste nemningane for samfunnsgruppene.

29. Østerberg og Engelstad 1995, s. 211.

30. Rigby 1995, s. 1.

2.3.2 Gruppenemningar

Status er ei nemning for ein sosial posisjon i eit samfunn, men termen kan også referera til den sosiale æra eller prestisjen som eit individ eller ei gruppe er tillagt av andre medlemmar av samfunnet. Innanfor sosiologien opererer ein gjerne med to typar status, tilskriven og oppnådd status. *Tilskriven status* (*ascribed status*) er ein statustype som vert tildelt individ eller grupper frå fødselen av, som til dømes kjønn, augefarge, kaste, etnisitet eller andre former for arveleg status. *Oppnådd status* (*achieved status*) er posisjonar som ein får gjennom personlege eigenskapar og arbeid, og vert gjerne oppnådd gjennom konkurranse og individuell innsats.³¹ I følgje sosialantropologen Ralph Linton (1893–1953) er dei fleste statustypene i eit samfunn av tilskriven type, medan dei fleste statustypene i dagleglivet er av ein oppnådd type. I eit vidare perspektiv kan desse statustypene nyttast til å skildra forskjellane mellom eit ope og eit lukka samfunn. Eit ope samfunn vil ha eit stort tal av oppnådde statusar, medan eit meir lukka samfunn vil kvila på eit korresponderande tal av tilskrivne statusar.³²

Best kjent er kan henda termen **sosial klasse**. Termen går i det minste attende til Auguste Comte (1798–1856) si tid, men er truleg mest kjent frå Karl Marx (1818–1883) sine teoriar om samfunnet som eit klassesamfunn der dominerande faktoren er klassekamp.³³ Sentralt for klasse-teoriane til Karl Marx var at produksjonsmidlane var den viktigaste forma for eigedom i samfunnet, og at samfunnsgruppene skulle inndelast i grupper alt etter som dei åtte eller ikkje åtte desse produksjonsmidla. Det er desse grupperingane Marx kallar klassar.³⁴ Moderne samfunnsvitskap, i det minste i dei vestlege landa, ser likevel ut til å foretrekka termen sosio-økonomisk gruppe framfor klasse.³⁵ Michael Mann argumenterer også for at klasse er eit konsept eller omgrep som berre er nyttbart innanfor økonomisk stratifisering,³⁶ noko det er vanskeleg ikkje å vera samd i.

I *Bokmålsordboka* vert det sagt om oppslagsordet **stand** at, nytta om tidlegare tider, det vert brukt til å skildra dei fire stendene: presteskapet (geistlegheita), adelen, borgarskapet og bøndene, i samfunnet i mellomalderen.³⁷ Den same definisjonen møter vi i *Nynorskordboka*.³⁸ Ordet sjølv er i norsk

31. Østerberg 1997, s. 47–48.

32. Østerberg 1997, s. 48; Berreman 2001, s. 7379–7380.

33. Jf. til dømes Østerberg 1997, s. 111–119.

34. Østerberg 1997, s. 113.

35. Østerberg 1997, s. 119. Nemninga *sosio-økonomiske grupper* (*socio-economic groups*) vart først nytta som term i eit offisielt klassifikasjonssystem av den britiske Registrar General i samband med folketeljinga i Storbritannia i 1951, og vart vidare nytta av den britiske regjeringa fram til slutten av 1990-åra. Desse gruppene femna folk med tilnærma lik livsstil med omsyn til deira oppførsel både sosialt, kulturelt og på fritida, og folk vart plasserte i dei forskjellige gruppene med grunnlag i deira yrkesmessige status. Nyleg har denne kategoriseringa vorte erstatta i Storbritannia med eit nytt system for sosio-økonomisk klassifisering (SEC) (Abercrombie et al. 2000, s. 332–333, s. v. «socio-economic groups (SEGs)»).

36. Mann 1986, s. 24.

eit lånord frå tysk, truleg via dansk, og har samanheng med sine engelske (*estate*) og franske (*état*) ekvivalentar.³⁹ Eg er ikkje overtydd om at bruken av dette ordet på tilstandar i norsk mellomalder er av det gode. Etter mitt syn impliserer termen *stand* ei form for sosio-juridisk definert gruppe som kan skiljast frå andre sosio-juridisk definerte grupper gjennom lovgjeving som til dømes privilegier. Den danske historikaren Erling Ladewig Petersen (1929–2000) definerte eit *standssamfunn* som eit samfunn der rettane og pliktene til dei forskjellige samfunnsgruppene er definerte i relasjon til den høgaste statsmyndigheita, og resiprokt ved hjelp av formelle privilegier.⁴⁰ Ein liknande definisjon vert nytta av Herluf Nielsen i *KLNM* der han definerer standssamfunnet som inndelinga av befolkninga i meir eller mindre skarpt definerte klassar med særskilt konsekvens for individets rettsstilling.⁴¹ Noreg i mellomalderen kan ein vanskeleg skildra som eit standssamfunn, ettersom til dømes aristokratiet ikkje hadde mange særskilte privilegier, og i dei tilfella aristokratiet hadde slike, ser det ut til at privilegia var knytt til embetet som individet hadde snarare enn til individet sjølv. Det er sjølv sagt moment i dei norske mellomalderlovene som både minner om og som er realitetar i eit standssamfunn, til dømes bøtelistene (wergeldlistene) og privilegia til hirdmedlemmene, men å ta dette til inntekt for ei klassisk tre- eller firedeling av samfunnet i stender (adel, geistlege, borgarar og bønder) er å trekkja det for langt. Snarare kan ein skildra utviklinga i Noreg i mellomalderen, som ei utvikling i retning av ein standssamfunn. Det er først mot slutten eller ved utgangen av mellomalderen at ein ser konturane av eit standssamfunn, med stendermøter og eit aristokrati som er sjølvmedvite og sjølvavgrensande nok til at det kan omtalast som ein adelsstand. Eg kjem nærare inn på dette i kap. 3.

Eliteomgrepet refererer til eit mindretal som har makt og mynde over andre og som vert oppfatta som overlegne i ei eller anna form (sjå også s. 33).⁴² Omgrepet er vidt nok til at det greitt kan innpassast i Manns fire områder for makt, og ut frå det kan ein operera med fire typar av elitar: økonomiske, ideologiske, militære og politiske elitar. Ein overklasse vert då først og fremst ein økonomisk elite, medan toppsjiktet i statsapparatet vert ein politisk elite.

37. *Bokmålsordboka*, s. 558, s. v. «stand, II».

38. *Nynorskordboka*, s. 684, s. v. «stand, III».

39. Sjå til dømes Falk og Torp 1996, s. 823, s. v. «stand».

40. E. L. Petersen 1981, s. 113.

41. H. Nielsen 1972, sp. 388.

42. Abercrombie et al. 2000, s. 113, s. v. «elite».

2.3.3 Stratifikasjonsteoriar

Den landflyktige russiske sosiologen Pitirim A. Sorokin (1889–1968) definerte sosial stratifikasjon som «the differentiation of a given population into hierarchichally superposed classes». Sorokin meiner også at sosial stratifikasjon har mange forskjellige former, men kan samstundes reduserast til tre hovudformer, nemleg økonomisk, politisk og yrkesmessig stratifikasjon. Likevel er desse formene knytte nært saman med kvarandre, ettersom det vanlege er at einkvan som tilhøyrrer det øvre laget i ei form, som oftast tilhøyrrer det øvre laget i andre former.⁴³ Michael Mann seier seg samd med tilhengjarane til både Karl Marx og Max Weber i deira felles grunnpremiss, og skriv at sosial stratifikasjon er den overordna maktdannande og maktdistribuerande faktoren i eit samfunn.⁴⁴

Den amerikanske sosiologen David B. Grusky definerer eit stratifikasjonssystem som eit kompleks av sosiale institusjonar som skapar observerte ulikskapar i distribusjonen av den totale mengda av verdsette varer, slik at dei mest privilegerte familiane og individa nyt ein urimeleg stor del av inntekta og makta så vel som av andre verdsette ressursar. Han reknar med tre hovudkomponentar i slike system: a) dei institusjonelle prosessane som definerer visse typer varer som verdfulle og dermed ønskelege; b) reglane for overføring som distribuerer desse varene på dei forskjellige posisjonane i arbeidsfordelinga; c) mobilitetsmekanismane som lenker individa til posisjonane og dermed genererer ulik kontroll over dei verdsette ressursane. Grusky argumenterer vidare for at ulikskap vert skapt av to typar av samanstillingsprosessar: dei sosial posisjonane i samfunnet vert først samanstilte med det han kallar påskjøningspakkar av ulik verdi, og samfunnsmedlemmane vert så overførte til dei posisjonane som er definerte slik, og deretter påskjøna.⁴⁵ Grusky peikar også på fire grunnleggjande konsept som han meiner er særskilt relevante for å skildra stratifikasjonssystem, og desse fire variablane kan brukast til å karakterisera forskjellar i dei underliggjande stratifikasjonsstrukturane på tvers av forskjellige samfunn.⁴⁶

- Graden av *ulikskap (inequality)* i ei påskjøning eller i eit aktiva er avhengig av spreinga si eller konsentrasjonen sin i befolkninga. Dersom nokre aktiva er meir likeleg fordelte, kan ikkje graden av ulikskap karakteriserast med eit einskild parameter.

43. Sorokin 1959, s. 11–12: «As a general rule, these forms are closely intercorrelated with each other. Usually, those who occupy the upper strata in one respect happen to be in the upper strata also in other respects, and vice versa».

44. Mann 1986, s. 10: «Social stratification is the overall creation and distribution of power in society».

45. Grusky 2001, s. 14443.

46. Grusky 2001, s. 14443–14444.

- *Rigiditeten* til eit stratifikasjonssystem kan registrerast gjennom kontinuiteten over tid med omsyn til den sosiale statusen til samfunnsmedlemmane. Systemet kan seiast å vera svært rigid når makta eller statusen til individ kan forutseiast meir eller mindre nøyaktig på grunnlag av tidlegare status eller statusen til individets foreldre.
- Dei *tilskrivne prosessane* (*ascriptive processes*) som systemet kviler på i ei slik grad at trekk frå fødselen av (*tilskrivne status*) har innverknad på den seinare sosiale statusen til individet.
- Graden av *statuskrystallisering* (*status crystallization*) kan registrerast gjennom korrelasjonen mellom dei forskjellige aktiva. Dersom korrelasjonane er sterke vil dei same individa som oftast opptre på toppen av alle statushierarkia, medan andre individ som oftast vil opptre i botnen av stratifikasjonssystemet.

Med basis i desse variablane karakteriserer Grusky eit idealtypisk system som han kallar føydalisme, innanfor eit jordbruks- og agrarsamfunn, med økonomi (jord og arbeidskraft) som dei grunnleggjande aktiva. Dei viktigaste samfunnslaga er adelen, presteskapet og ålmenta. Graden av ulikskap er høg. Rigiditeten er frå medium til høg. Statuskrystalliseringa er høg. Og stratifiseringa har ein rettferdiggerande ideologi med røter i både tradisjonen og i den romersk-katolske doktrina.⁴⁷

Den amerikanske antropologen Gerald Berreman hevdar, til liks med Michael Mann, at *makt* er nøkkelen til stratifikasjon, men at både *status* så vel som *klasse/strata/gruppe* samstundes er nært knytta til det. Desse tre varierer saman. Han argumenterer for at analyseringa av forskjellane i stratifikasjonssystem kan gjennomførast ved komparasjon over tre akser av ulikskap:

One defines the nature of ranking, contrasting status strata, ('honor and privilege') at one pole, and class strata (the 'economic order'), at the other. A second axis describes the locus of characteristics which determine an individual's status, contrasting those regarded as intrinsic to individuals (ascribed), with those regarded as extrinsic (acquired or achieved). A third addresses the composition of strata: whether they comprise named, organized, acting groups, or analytically discernible but unorganized categories. Variations along these axes, together with the cultural explanations that rationalize each system, constitute the significant differences among them.⁴⁸

Dei forskjellige samfunnslaga, -gruppene eller -klassane, som vi vel å dela folk inn i, vil likevel aldri vera konstante i den grad at straks eit individ (eller ei gruppe) er plassert i ei av desse, vil vedkommande automatisk ikkje kvalifisera til «medlemskap» i ei anna gruppe. Grensene som skil dei forskjellige samfunnslaga frå kvarandre vil alltid vera flytande og uklære, og snarare enn å vera klære grenser vil dei danna vanskeleg definerbare gråsoner som femner områder på begge sider av grenselinja.

47. Grusky 2001, s. 14445.

48. Berreman 2001, s. 7379.

2.3.4 Utestengingsteori

Den engelske historikaren Stephen H. Rigby nytta i si bok frå 1995 om det engelske samfunnet i seinmellomalderen noko han kalla *closure theory* for å analysere samfunnsstrukturen i England.⁴⁹ Omgrepet er vanskeleg å omsetja for ein som ikkje er sosiolog, men eg har valt å operera med nemninga utestengingsteori. Eit anna alternativ kan vera avgrensingsteori. Ingen av desse omsetjingane er likevel heilt dekkjande.

Utestengingsteori vart på 1970-talet utvikla av Frank Parkin, og seinare av Raymond Murphy, og har sitt utgangspunkt i Max Webers skildring av statusgrupper som monopolistiske tileignarar av makt og av ideale og materielle privilegier. Desse gruppenes utestenging (*closure*) av moglegheit for utanforståande kunne føra til motstand frå dei som var ekskluderte, noko som igjen åpnar for ei samfunnsanalyse basert på makt, opposisjon og konflikt. Det er denne lesinga av Weber, snarare enn den som vektlegg sosial status, gradering og konsensus, som danna grunnlaget for skildringa av samfunnsstrukturen til utestengingsteoretikarar som Parkin og Murphy.⁵⁰

For Parkin gjev Webers teori om sosial utestenging (*social closure*) eit sett av felles konsept og eit vokabular som ein kan analysere alle strukturerte sosial ulikskapar med. Det inkluderer det mellom klassar, dei innanfor særskilte klassar, og dei mellom kommunale grupper og statusgrupper basert på rase, religion og kjønn. I følgje Parkin er alle desse særskilte formene for sosial utestenging forskjellige midlar for å mobilisere makt med sikte på å engasjere seg i ein distributiv kamp. Utestenging er prosessen der sosiale grupper prøver å maksimere sine eigne belønningar og moglegheit. Det opptrer såleis i to hovudformer: ekskluderande utestenging (*exclusionary closure*) og tilranande utestenging (*usurpatory closure*).⁵¹

Ekskluderande utestenging er når ei gruppe prøver å sikra seg sjølv ein privilegert posisjon på kostnad av ei anna gruppe gjennom ein prosess av underordning. Denne nedoverretta maktutøvinga fører til danning av ei gruppe, ein klasse, eller eit stratum av juridisk definerte mindreverdige. Denne typen av ekskluderande utestenging er ikkje avgrensa til dei eigedomsbaserte klassane i marxistisk analyse, men kan like godt definerast ved hjelp av andre variablar, som til dømes religion, kjønn, språk eller avstamming. For Parkin kan eksklusjon i alle desse formene sjåast på som ei form for utbytting. Han skiljer vidare mellom to typar av eksklusjon. *Kollektivistisk eksklusjon* er det når ein

49. Rigby 1995.

50. Weber 1978 II, s. 926–940. Jf. Rigby 1995, s. 8–9.

51. Rigby 1995, s. 9.

har privilegier som medlem av ei gruppe, og dei fordelane ein då har vert relativt enkelt ført vidare til etterkomarane. På den måten vert den sosiale mobiliteten i eit samfunn redusert. *Individualistisk eksklusjon* er når privilegia er utprega individuelle, som til dømes innehav av privat eigedom, akademiske kvalifikasjonar, eller medlemskap i det sovjetiske kommunistpartiet. I praksis opptrer som oftast desse to typane av eksklusjon i kombinasjon med ein annan, sjølv om Parkin hevdar at den historiske utviklinga har ført til ein aukande grad av individualistisk eksklusjon. *Tilranande utestenging* er ein prosess der maktutøvinga er retta oppover i hierarkiet. Her prøver utanforståande, som ofte er organiserte kollektivt, å få hand om ein større del av ressursane enn kva dei tidlegare har hatt. Eit typisk eksempel på dette er fagforeiningar.⁵² Parkin argumenterer også for at særskilte samfunnsgrupper kan nytta ein strategi han kallar dobbel utestenging (*dual closure*). Dette førekjem typisk når ei samfunnsgruppe, som er underordna gjennom ei form for sosial utestenging, er sjølv ansvarlege for å ekskludera ei anna samfunnsgruppe.⁵³


På denne måten vert Parkins utestengingsteori ei syntese av dei sterkaste elementa i både marxistisk så vel som i liberal amerikansk stratifikasjonsteori. Ettersom utestengingsteori er svært generell med omsyn til kva nivå den opererer på, meiner Rigby at det er fruktbart å syntetisera Parkins teori med den meir utfyllande sosiale teorien til Walter Runciman. Både for Parkin og Runciman kan strukturane i eitkvart samfunn sjåast som eit hierarki av grupper definert ved deira utøving eller innehav av makt, eller ved deira evne til å effektuera utestenging. Kvar form for utestenging eller maktutøving kan verta utført gjennom midlar med utgangspunkt i dei tre (hjá Runciman) eller fire (hjá Mann) viktigaste typane av sosial makt: økonomisk makt, tvangsmakt (hjá Mann, politisk og militær makt) og ideologisk makt. For å ha høve til å referera til heile spekteret av samfunnsgrupper som vert definerte ved hjelp av makt, lanserer Walter Runciman neologismen *systaktar* (*systacts*). Dette er grupper eller kategoriar av personar som har det felles at dei har (eller manglar) makt i kraft av dei rollene dei har i samfunnet, og som dermed har ei felles interesse i å behalda eller auka den makta som er knytt opp mot desse rollene. Vanlege typar av systaktar er klasse, orden, stand, statusgruppe eller kaste. Ei kvar form for skildring av eit samfunn, i mellomalderen som i moderne tid, må dermed karakterisera dei forskjellige systaktane som vert danna.⁵⁴ Det er dette eg vil freista å gjera i det følgjande kapittelet med den samfunnsgruppa som kan omtalast som adel eller aristokrati.

52. Rigby 1995, s. 9–10; Abercrombie et al. 2000, s. 320, s. v. «social closure».

53. Rigby 1995, s. 10–11.

54. Rigby 1995, s. 11–12 og 324. Jf. W. Runciman 1989, s. 20–27.

2.3.5 Sosial mobilitet



Figur 2. Skjema over sosial mobilitet i følge Sorokin 1959, s. 136.

omvendt. Eit samfunn med hovudsakleg tilskrivne statustypar (om statustypar, sjå s. 22) har karakter av å vera eit samfunn med liten eller ingen sosial mobilitet, medan eit samfunn med hovudsakleg oppnådde statustypar er eit samfunn med moderat eller stor sosial mobilitet.⁵⁵ I høve til aristokratiet i mellomalderen og avgrensinga av det, er det primært tale om vertikal mobilitet. Denne kjem i form av både avgang og tilgang. Avgang kjem ofte i form av at slekter døyr ut, men i samband med sosial mobilitet er det primært i form av ei vertikal nedstiging, som til dømes «nedsiging i bondestanden». Tilgang til aristokratiet vil primært skje i form av vertikal oppstiging, som ved at nye personar vert tekne opp i aristokratiet av ein eller annan grunn. Årsakene til dette kan vera fleire, men Seymour Lipset og Hans Zetterberg peikar på særskilt to prosessar som hovudårsakene til at sosial mobilitet førekjem. Det eine er tronga til å fylla ledige roller (*the supply of vacant statuses*), det andre er utveksling av rang eller status (*the interchange of ranks*), som til dømes ved giftemål mellom to personar av ulik rang.⁵⁶ Sosiologen Pitirim Sorokin freista summera opp dei ulike aspekta ved sosial mobilitet i eit skjema, som eg har valt å gje att ovanfor (fig. 2).

Heilt til sist er det også turvande å seia nokre få ord om sosial mobilitet. Kort sagt kan sosial mobilitet seiast å vera rørsle mellom forskjellige sosiale statusar innanfor eit sosialt stratifikasjonssystem. Den førekjem i fleire typar, men den mest aktuelle typen i denne samanhengen er *vertikal sosial mobilitet*, dvs. når ein går frå ein lågare mot ein høgare sosial status eller

55. Østerberg 1997, s. 50.

56. Lipset og Zetterberg 1966, s. 565.

3 Adel, aristokrati, elite

3.1 Innleiing

I dette kapitlet vil eg primært freista å finna brukande kriterier for definisjon av den samfunnsgruppa eg skal sjå nærare på med omsyn til jordeigedom, slik at det kan verta mogleg å trekkja ei nokonlunde klår grenselinje mellom denne samfunnsgruppa i høve til grupper lågare på den sosiale rangstigen. Dermed er det naudsynt å drøfta terminologien kring omgrepa adel, aristokrati og elite. Samstundes er det her naturleg å trekkja inn den historiografiske diskusjonen kring omgrepa, der desse har vore diskuterte, og dessutan skissera den historiske utviklinga av aristokratiet i Noreg.

Kva *er* så adel, aristokrati, eller kva term ein no skal bruka? Og fantest det ein adel i Noreg i mellomalderen i det heile? Om så var, var då denne sosiale gruppa influert av samtidige trendar i Europa? For å freista svara på slike og relaterte spørsmål, kan det vera nyttig å ta utgangspunkt i ein artikkel av den belgiske historikaren Léopold Genicot (1914–1995). Han set fram fleire spørsmål som historikarar må prøva å svara på når dei skal arbeida med den europeiske adelen i mellomalderen: Kva var adelens realitet? Eksisterte den overalt og til alle tider, og var den til alle tider og alle stader ei separat gruppe medviten om sin eigen separativitet? Kva var opphavet til den, biologisk så vel som ideologisk? Ætta den frå gamle germanske ættegrupper eller frå senatoranes *gentes*, eller var den sett saman av familiar som hadde stige i gradane ein eller annan gong i mellomalderen? Var den eit framhald av germanske eller romerske strukturar og konsept, eller var normene og formene til den ei ny utvikling? Kva posisjon hadde den i det politiske livet? Hadde den monopol, i det minste *de facto*, på viktige embeter? Kva status hadde den? Hadde den særskilte privilegier, og korleis oppstod desse og korleis vart dei tapte igjen? Kvant einaste aspekt ved utviklinga av denne samfunnsgruppa over tid, både numerisk, sosialt og juridisk, gjev oss problem.¹ Eg skal koma attende til fleire av desse spørsmåla. Aller først kan det vera greitt å kort forklåra dei moderne definisjonane av omgrepa adel, aristokrati og elite, ettersom det er desse som i hovudsak vert brukte i moderne historieforsking.

1. Genicot 1979, s. 17.

3.1.1 Adel

Ei av dei viktigaste årsakene til at eg meiner at termen adel er upresis med omsyn til mellomalderen, er at bruken av ordet adel i norsk språk som oftast har nære konnotasjonar til ordet adelsstand. Og stand, slik eg alt har nemnt i førre kapittel (sjå s. 22 f.), er ei nemning som impliserer ei juridisk definert gruppe som har egne rettar og plikter i høve til andre stender. Slike stender har ein knapt i Noreg før på 1500-talet. For mellomalderen kan ein etter mitt syn snakka om ei utvikling i retning av ein adel, men ikkje om ein adel *per se* i tydinga adelsstand. Dermed vert også bruken av nemninga adel i norsk mellomalder eigentleg terminologisk uheldig så vel som upresis. På den andre sida har den franske historikaren Joseph Morsel har argumentert overtydande for at ein bør skilja mellom adelege, som ein kan argumentera for at fantest i mellomalderens Europa, og ein adel(stand) som derimot ikkje dukkar opp (i Sentraleuropa) før mot slutten av mellomalderen.²

“The nobility” is thus a historically evolved term, not a scholarly term of sufficient clarity. Perhaps we should dispense with the term “nobility” in scholarly discourse, and find another word better suited at once to describing the relationship of authority and delimitation and to reminding us that the genesis and shape of a social formation is always tied to particular social relations. In this way we might be able to make clear that “the nobility” is nothing more than a historically unique manifestation of seigneurial power relations.³

3.1.2 Aristokrati

«Whatever the precise meaning they attach to the word, historians have often found aristocracy both an elusive and unsympathetic subject» skriv Jonathan Powis i introduksjonen til si bok om aristokratiet.⁴ Termen i seg sjølv er opphavleg gresk og kan best omsetjast i si opphavlege tyding som «makt i hendene til dei beste». Ordet i seg sjølv er ikkje funne brukt før i det 5. århundre før Kristus, og vart kan henda danna som ei motsats til demokrati.⁵ Det var den føretrekte styreforma for både Platon og Aristoteles, og sistnemnte føretrekte aristokratiet mellom anna av di distribusjonen av embeter var basert på merittar og at det grunnleggjande prinsippet var dygd (*areté*).⁶ Kven var så dei beste? Mellom definisjonane av aristokrati i framandordboka er «samfunnsklasse som i kraft av forrettigheter, rikdom el. høgere kultur er politisk og sosialt dominerende». Dette kan vera ein grei definisjon av denne sosiale gruppa. Politisk og sosial dominans, ofte også økonomisk dominans, er svært sentrale trekk ved aristokratiet. Essensen er likevel at korleis ein enn definerer det,

2. Morsel 1996; Morsel 2001.

3. Morsel 2001, s. 227.

4. Powis 1984, s. 2.

5. *The Oxford Classical Dictionary*, s. 162, s. v. «aristocracy»

6. Aristoteles, *Politics*, IV.8, 7

har aristokrati assosiasjonar til autoritet og leiarskap, medan adel ikkje naudsynleg har det, ettersom ein godt kunne vera fattig og adeleg og heilt utan påverknad på samfunnslivet.⁷ Timothy Reuter skriv at det er enkelt å forklåra kvifor omgrepa likevel vert brukte om einannan i europeisk historiografi: det er i praksis uråd å skilja mellom adel og aristokrati i Europa før 1250, og eit slikt skilje finnest heller ikkje i kjeldematerialet.⁸

3.1.3 Elitar

Den mest nøytrale nemninga for denne samfunnsgruppa, er tvillaust termen elite (sjå også s. 23). Nemninga elite vert som regel nytta om ei samfunnsgruppe, som har makt eller påverknad over andre og vert oppfatta som overlegen i ei eller anna form.⁹ For mellomalderens del, også for norsk mellomalder, er det fruktbart å snakka om elitar i relasjon til Michael Manns fire områder for makt (sjå s. 17 ff.), og å operera med fire typar av elitar på bakgrunn av kva type makt eliten sit med: økonomisk, ideologisk, militær og politisk. Det vil i alle samfunn vera ei stor grad av overlappende nettverk av elitar, ettersom ei form for makt ofte medfører større eller mindre grad av makt også på andre maktområder. Svært forenkla kan ein til dømes sjå på den norske adelen som primært ein militær elite, jamfør det som vert sagt om skattefritak seinare (sjå s. 45 ff.), og korleis dette var knytt opp mot militærtjeneste. Det verdslege aristokratiet kan på same måte sjåast på som både ein økonomisk og politisk elite, og det geistlege aristokratiet som ein ideologisk elite.

7. Powis 1984, s. 3.

8. Reuter 1997, s. 179.

9. Abercrombie et al. 2000, s. 113, s. v. «elite».

3.2 Litt omgrepshistorie

Då kong Christian 2. i juli 1513 svara på det norske riksrådets klagemål i samband med handfestinga hans, skriv han mellom anna at ettersom «adelen vdi Norge er fast vddøet» ville han gje kronas len og slott i Noreg til både norske og danske «ædelinge oc indfødde men».¹⁰ Dette er det tidlegaste eksempelet på bruken av nemninga adel i (eller snarare om) Noreg. Kong Christians utsegn må nok likevel takast med nokre klyper salt, og har neppe inneheldt ein realitet ut over at den kan seiast å vera nær sanninga dersom ein definerer adel i denne samanhengen som identisk med høgadelen.¹¹ Den norske adelen var fattig samanlikna med sine danske og svenske standsfellar generelt. Ole Jørgen Benedictow konkluderte i 1971 med at ei undersøking av den norske adelen i seinmellomalderen munnar ut i ein lågadelssproblematikk.¹² Det er dette lågadelege sjiktet Vincens Lunge refererer til i mars 1532, då han i eit brev til Eske Bille fortel at Svein Bagge hadde fortalt han tidender frå Sogn om at «alle the knaber ther inde och sædescwenne» hadde fått erkebispens brev om at dei skulle hylla den nyss tilbakekomne eks-kong Christian 2., og innta lenet i hans namn.¹³ Framleis i 1524 er termen adel ikkje å finna i viktige dokument som handfestinga til kong Fredrik 1. Der er det tale om riddarar, riddarskap og «riddermenns menn», men ikkje om adel.¹⁴ Handfestinga var utarbeidd av det norske riksrådet, og på bakgrunn av den svake stillinga til kong Fredrik, var han nøydd til å godta riksrådets utkast utan å gjera dei store endringane.¹⁵ Dette viser igjen at termen adel må ha vore svært lite brukt i Noreg på den tida, all den tid den ikkje ein gong kan seiast å ha fått gjennomslag i det sosiale sjiktet den er meint å femna.

Likevel har det neppe gått lang tid før termen fekk gjennomslag, for i 1548 møter vi for første gong den norske adelen som sjølvmedviten korporasjon i ein supplikk i samband med hyllinga av Christian 3. (representert ved den seinare kong Fredrik 2.), der dei samstundes omtalar seg sjølve som adel («aadel och lagmend herudhi thette rige Norrige»)¹⁶ På same tid vart det gjort eit lagmannsvedtak i Oslo, der mellom anna eit krav frå adelen om å avskaffa odelsretten vart avslått, av

10. DN IX, nr. 477; jf. L. Hamre 1998, s. 74.

11. Utsegna må dessutan sjåast på som ei form for taktisk hjelperåd frå kongens side, slik at han kunne ha ryggen fri ved tilsetjing av nye lensherrar.

12. Benedictow 1971, s. 37.

13. DN IX, nr. 694, brev dagsett Helle 10. mars 1532.

14. DN VII, nr. 594; *NGL* IV, nr. 93. Derimot nyttar den danske adelen undertida ordet i kong Fredriks danske handfesting (sjå t. d. Paludan-Müller 1874/1971, s. 472–476), men noko fullt gjennomslag for termen i Danmark kjem heller ikkje før reformasjonen. Sjølv i Schleswig-Holstein slår ikkje termen gjennom før i 1524 (Dahlerup 1970, s. 2, note 4).

15. Jf. L. Hamre 1998, s. 281.

16. *ANSH* I, nr. 17, s. 17–20; jf. DN VIII, nr. 598, der feildatert til 1529, og DN XII, nr. 624.

di det ville vera i strid med Noregs lov.¹⁷ Ut frå dette kan ein hevda at omgrepet adel i Noreg først og fremst er nyttbart for tida etter reformasjonen, altså i tidleg nytid, og ikkje for mellomalderen. Det første privilegiebrevet for den norske adelen som gruppe kom jamvel ikkje før i 1582.¹⁸ Det går likevel ikkje lang tid frå 1548 før termen vert brukt anakronistisk. Alt i 1567 skreiv Absalon Pederssøn Beyer, sjølv av ei «lågadelsslekt» og fødd på Skjerdal i Aurland i 1520-åra:

Derfore daa begynniss her Norgis alderdom (...) Hendis adel, gode kiemper oc stridsmend fulle henne jfra, en part ved suerd, en part ved pestilentze vdi den store manne død (...). Saa at Norgis adel fra den dag haffuer altid aarligen io mere oc mere sig forminsket, oc dagligen mere forminskis, jdet at deris forfedre haffue enten giffuit deris godz til kloster eller kircker eller forgiort det, eller oc sielff med gifftermaal forkommit det, eller oc en hob frillebörn haffue arffuit det, der til med faar Norgis adel ingen forlening aff kronens eller stictens godz, oc deris eget forslaar intet heller föye til den stats eller pract som nu er almindelig j verden, thi maa hand bliffue til intet.¹⁹

Oc effterdi ieg haffuer begynt at tale om adelen, vil ieg nogit suare en hob groffue neßeuiß kompaner, som komme hid j riget, laste Norge oc sige her haffuer huerchen verit konger eller adel. (...) At her haffuer verit adel, baade hög oc låg, oc skildsmaal paa dennom, lerer oc historier, odals breffue, deris vaaben oc skiold. Her haffuer verit konger, hertuger, greffuer, baroner, riddere, knaber, jomfruer, froer oc hustruer.²⁰

Vidare skreiv han om sitt heimfylke Sogn at:

Der haffuer boet j fordoms tid stadzelig adel oc ridderskab, saa som paa for^{ne} Quale, paa Slindre, Talgeseter. Der haffuer boet oc endnu boer aff de oxeföders adel, som er en af den elste adel, *item* Soop, Beyere *etc.*²¹

Termen adel førekjem også i *Bergens Fundas* som er skrive kring 1560.²² Mindre panegyrisk er omtalen av den norske adelen i verket *Den norske so*, som truleg er skrive i 1584.²³ Forfattaren skriv på lågtysk, og har etter alt å døma god kjennskap til forholda i Bergen. Den danske historikaren Peter Frederik Suhm (1728–1798) gissa i si tid på at forfattaren kunne ha vore Sabinus, dotterson til reformatoren Phillipp Melanchton, som vart avretta i København i 1585 for å ha sendt kongen eit fornærmande skrift mot adelen. Utgjevaren av *Den norske so*, arkeologen og museumsmannen Nicolay Nicolaysen (1817–1911), er på si side skeptisk til dette.²⁴ Skriftet inneheld saftige åtak på

17. ANSH I, nr. 18, s. 20; jf. *Lover og forordninger*, nr. 59, s. 39.

18. ANSH I, nr. 26, s. 33–36; jf. *Lover og forordninger*, nr. 465, s. 195.

19. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 21–22.

20. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 22.

21. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 70.

22. T. d. *Bergens Fundas*, s. 40: «Saa haffuer her och Boidt vdy Byenn nogenn aff Adeleenn, Baronner oc Anndre Frij Mendt, Huilcke som oc haffuer werit vdy Byernnis Raadt».

23. Ei norsk/dansk omsetjing vart prenta i *Norske Magazin* i 1868, sjå «Den Norske So» i bibliografien. Skriftet er også utgangspunktet for Weidling 1995a.

24. «Den Norske So», s. 5–6.

adelen, men også på dei øvrige autoritetane som var til plage for folk flest, inkludert prestar, lærarar og futar. I verket er Noreg skildra allegorisk i form av ei hønseskorg, og i eitt av kapitla reknar forfattaren opp alle hønseslaga og samanliknar dei med landets innbyggjarar.²⁵ Dei store, svarte hanane, av spansk eller velsk art, er høgadelen og lensherrane. Dei små, svarte hanane er den jamne, gode, men fattige, adelen, som skuldar meir på Bryggen i Bergen enn godset deira er verd, og som pantsset sitt *credo* slik at dei til slutt må be *pater noster*. Dei kvite hanane er alle lagmenn og dommarar, som seier *discite justitiam moniti, qui judicatis terram*, men gjer det ikkje sjølv. Dei raude hanane er dei mektige futane som mottek skattane på kongens vegne, og som plagar fattige folk. Det kan henda mest interessante haneslaget i relasjon til denne avhandlinga, er dei brokute hanane som fører eit brokut liv, og som et dersom dei har noko å eta. Har dei ikkje noko, så tek dei det ut av munnen på dei fattige.

Das sein die Jennigen, Als Knaber, Lehnsmenner, sein von geringgenn Stahn, haben Edell Weiber, sein der Edelleute Hueren Kinder, oder sein Vom Adell, haben VnEdell Reiche weiber, Vnnd dergleichen, gehen mit Vihe vnnd Veldtbaw vmb, Bißweilenn Kaufschlagen sei, geben Quid pro quo Fur Fuchs Schwentzen, die Armen Bawrenn gern, gegen die größenn hanen.²⁶

Dette er den lite smigrande omtalen av knapane og («bonde»)lensmennene i 1580-åra. Dei sistnemnte er anten av ring stand sjølve, og har adelens horebarn til ekte, eller er sjølv av adel og har rike uadelege koner. Det er liten grunn til ikkje å tru på forfattarens skildring av dette, og sjølv om det nok neppe gjeld absolutt alle, er det nok av eksempel i den slekts- og lokalhistoriske litteraturen på at så har vore tilfelle i siste del av 1500-talet og første del av 1600-talet.

170 år seinare, i 1754 skreiv futen Ananias Christopher Harberg (1696–1760) i Sogn, ei melding til kanselliet om adelege slekter i Sogn, der han mellom anna fortel at det har i «förrige Tider været adelige Familier av Navn Benkestoicher og Blyestacher, men nu ere nesten ganske uddøde, og ere de faa igienlevende gemene Bønder».²⁷ Nokre år tidlegare hadde den danske genealogen og sammlaren Terkel Klevenfeldt (1710–1777) klart å få geheimråd Johan Ludvig greve Holstein af Ledreborg interessert i sitt arbeid om den danske adelen, og ei følgje av det vart eit pålegg til stiftsøvrigheita i både Noreg og Danmark om å skaffa og senda inn opplysningar om dei adelege kring i landet. Det resulterte i ei rad med innberetningar frå alle landsdelar, som i dag ligg i Klevenfeldts samlingar i Rigsarkivet i København.²⁸ Desse såkalla «Stifts-Relationer» kom i hovudsak inn til Klevenfeldt i åra 1747–1749, og er for ein stor del publiserte i seinare tid, også for dåverande

25. «Den Norske So», s. 15–20.

26. KB, GKS 2836 4^{to} (*Die Nordische Saw*), fol. 26^v–27^r. Denne versjonen er på høgtysk.

27. Tang 1950, s. 20.

Bergens stift.²⁹ Disse viser at mange etterkomarar av både den gamle og nye norske adelen då var bønder eller borgarar.

3.2.1 Adel, *nobility* og *nobilitas*

I 1868 presenterte den då 21 år gamle studenten Ebbe Hertzberg (1847–1912), seinare retts-historikar, økonom og riksarkivar, si prisoppgåve om det norske aristokratiet fram til kong Sverre, for universitetet i Christiania. For denne oppgåva fekk han gullmedaljen, og året etter vart den trykt.³⁰ I dag er avhandlinga, slik Halvdan Koht skreiv alt i 1934,³¹ på mange måtar forelda, men på fleire vis uttrykker den både ein sjølvstendig og original tenkemåte. Mange av argumenta til Hertzberg er framleis gyldige, sjølv om dei for ein stor del har vorte oversett av seinare norske historikarar. Mellom Hertzbergs hovudargument var at det norske aristokratiet i mellomalderen ikkje utgjorde ei einskapleg sosial gruppe med ein felles politikk. Han skriv:

[D]e forskjellige landsdeles høvdinger [fik] saaledes næsten efter tur adgang til at have indflydelse paa den daglige styrelse; men nogen fælles optræden af samtlige lændmænd blev det paa denne maade vanskeligt at bringe istand, og man fik ikke indtrykket af, at de i politisk henseende dannede en sluttet og standsmæssig korporation. Derfor havdes der heller intet eget ord svarende til Tyskernes "adel" for lændmændenes klasse.³²

Hertzberg ser ut til å ha halde på sitt synspunkt på aristokratiet livet ut, og i hans posthume bok om norsk historie i tidleg mellomalder frå 1915, både utdjupar og repeterer han sitt syn på det:

Oppositionen mod konge og kongedømme antager fra lændmændenes side ikke ved nogen anledning karakteren af en standsopposition med standsinteresser for øie. Enten gjælder det rent personlige stridigheder mellem en haardhændt, med misbrug af sin magt ikke altfor nøieregnende konge og en eller anden maaske lige-saa selvbevidst lændemand, eller det er i virkeligheden det lokale selvstyres forlangender og den stedegne opinions anskuelse, som gennem den enkelte landsdels høvdinger tager til orde. (...) Lændmændenes optreden er derfor ved slige leiligheder saagodtsom altid kun partiel, fraktionspræget, mere eller mindre lokaliseret, aldrig omfattende standen i dens helhed og med anerkjendt program til dens fordel. Heller ikke besad lændmændene nogen fælles korporativ ordning, der aabnede dem adgang til at udtale sig som stand.³³

I forlenginga av dette argumentet repeterer også Hertzberg at lændmennene og ættene deira, aldri var kjende under ein fellesnemnar for den sosiale gruppa dei tilhørte, som til dømes det tyske ordet

28. DRA, HSS, Terkel Klevenfeldts samlinger, pk. 17, Relationer ang. adelige, indsendt fra amtmænd og biskopper i Danmark og Norge.

29. Krarup 1880.

30. Hertzberg 1869.

31. Koht 1934a, s. 55.

32. Hertzberg 1869, s. 88.

33. Hertzberg 1915, s. 110–111.

Adel. Eit ord som stormenn (*stórmenn*) er for upresist til å fungera som fellesnemnar for denne sosiale gruppa, ettersom det like godt femner det høgare presteskapet som dei verdslege hovdingane.³⁴

Ettersom dette arbeidet nyttar ein heil del engelskspråkleg litteratur, vil det vera nyttig å sjå litt nærare på den engelske termen *nobility*. Dette ordet har nemleg to tydingar, der den første og vidare tydinga er ekvivalenten til den tyske og nordiske termen *Adel/adel*, medan den i smalare tyding er ei nemning for den øvre laget av det britiske aristokratiet i motsetnad til *gentry*.³⁵ Det engelske ordet *nobility* er avleia av det latinske *nobilitas*, som igjen er avleia frå *nobilis*.³⁶ Ein *nobility* er såleis ikkje noko anna enn ei samling av *nobles*, på same måte som *nobilitas* er ei samling av *nobiles*. Kva tyda det så å vera ein *nobilis* i mellomalderens Europa? Ei godt startpunkt for ein slik diskusjon kan vera definisjonen av ordet i *Lexicon minus*, der Jan Frederik Niermeyer (1907–1965) hevdar å gje lesaren «ten unpretentious hints» til innhaldet i omgrepet.³⁷ I følgje *Lexicon minus* kan såleis termen *nobilis* ha minst ti dels svært forskjellige konnotasjonar i mellomalderlatin (frå seinantikken inntil kring 1200). Skal ein så for moro skuld freista å samanstillast ein einskilddefinisjon av termen *nobilis* i Europa mellom 600 og 1200 etter *Lexicon minus*, ser det ut til å tyda følgjande: Ei sosialt eller juridisk definert samfunnsgruppe, kan henda særmerkt ved fødsel eller status, som er frie, men som kan ha vorte frigjevne, og som kan ha teke del i lokalt, regionalt eller jamvel «nasjonalt» styre og stell, og som anten eigde eller brukte jord, og som i ei eller anna form har skilt seg frå vanlege folk. Dette vert ein nokså absurd definisjon. Det omlag einaste ein kan få ut av denne leiken med ord og omgrep, er at det som ser ut til å vera fellestrekket med alle *nobiles* i Europa i tidleg- og høg mellomalder, er at dei hadde *makt* av eitt eller anna slag. Statusen til dei forskjellige *nobiles* ser ut til å ha variert mellom det sosiologane omtalar som både tilskrivne og oppnådde statusar, eit faktum som indikerer at det har eksistert former for sosial mobilitet.

Frå slutten av 1100-talet møter vi også denne latinske termen i norske kjelder. Ei av dei tidlegaste tilfella med referanse til *nobiles* i Noreg finn vi i krønika til William av Newburgh som skreiv på slutten av 1100-talet, men han skriv frå eit anglonormannisk synspunkt og er vanskeleg å nytta som prov på bruk av termen i Noreg.³⁸ I eit latinsk skrift skriven av ein nordmann kring 1200,³⁹ *Historia*

34. Hertzberg 1915, s. 111.

35. Jf. Schnith 1993. Om det engelske *gentry*, sjå Coss 1995 og 2003.

36. Jf. *Webster's Third New International Dictionary*, s. v. «nobility».

37. *Lexicon Minus*, s. v. «nobilis».

38. William of Newburgh, *Historia rerum Anglicarum*, bok III, kap. vi, s. 227. Konteksten hjå William er ein omtale av dei «prudentes et nobiles regni» som gjorde Magnus Erlingsson til konge i 1163/64. Jf. K. Helle 1972, s. 23, note 5.

39. Skånland 1968; K. Skovgaard-Petersen 2001, s. 8–9.

de profectioe danorum in Hierosolymam, er ein norsk lendmann (som kan identifiserast som det ut frå andre kjelder) omtalt som *uir preclarus et elegans*,⁴⁰ og ikkje som *nobilis*. På den andre sida vert den norske opprørsleiaren Simon Kåresson sagt å vera *dines multum et nobilis*,⁴¹ noko som har vorte omsett til moderne norsk med svært rik og ættstor.⁴² Grunnleggjaren av Lyse kloster, biskop Sigurd av Bergen, som grunnla klosteret i 1146, vert i *Fundatio Lysensis monasterii* frå kring 1300,⁴³ sagt å vera ætta frå *primorum nobili prosapia Norrensiun*,⁴⁴ altså frå dei fremste norske «nobili» ættene. Omlag på same vis førekjem termen også i den eldre *Historia Norwegie*, der mor til Håkon Sigurdsson Ladejarl, Bergljot, er sagt å ætta frå den «nobilissima» slekta til jarlane på Møre og Hålogaland.⁴⁵ På bakgrunn av desse føregåande kjeldestadene kan ein argumentera for at termen *nobilis* i hovudsak har å gjera med avstamming i høgmellomalderens Noreg. På den andre sida er det slett ikkje sikkert at ein skal omsetja *dines multum et nobilis* med svært rik og ættstor, men snarare med svært rik og vidgjeten eller noko i den retninga. Andre førekomstar i *De profectioe* gjer inkje for å motseia dette. Til dømes er ei kvinne i Bergen omtalt som *matronam ualde nobilem*,⁴⁶ utan at dette treng ha noko med ætt å gjera. Theodricus Monachus har ein passus i si *Historia de antiquitate regum Norwagiensium*, truleg skriven i 1170-åra, til ein norsk magnat som han prisar som den fremste av menn *non minus probitatis quam nobilitatis*.⁴⁷ Det er heller ikkje her nokon grunn til å velja «herkomst»⁴⁸ eller relaterte omgrep som omsetjing framfor andre positive skildringar som til dømes høg status. Eit pavebrev frå 1190, basert på informasjon frå Noreg, refererer til ein *comite Neowargiensi fratre nobilis viri Sueri*,⁴⁹ altså ein bror av kongen sjølv, og det er liten grunn til å rekna dette for anna enn ein omtale av den vidgjetne mannen Sverre. Eit anna pavebrev, dagsett 1211, også dette basert på informasjon frå Noreg, nemner at *uiri prudentes et nobiles* hadde valt Filippus Simonsson til konge. Dette vert tolka av Knut Helle som gode menn, dei beste menn, eller dei gjevaste menn,⁵⁰ noko som passar godt med konteksten som er kjent frå andre kjelder på norrønt. Termen *nobiliores* opptrer to gonger i ein avtale mellom erkebiskop Jon Raude og kong Magnus Lagabøte i 1270-åra,⁵¹ men også her ser det ut til å vera nytta i

40. *De profectioe*, kap. VIII, s. 472.

41. *De profectioe*, kap. XIII, s. 478.

42. *Danenes ferd*, s. 117.

43. Datering etter Storm 1880, s. L.

44. *Fundatio Lysensis*, s. 172, l. 5–6: «(...) Siwardum, virorum insignissimus, Norrensiun quidem primorum nobili prosapia oriundus (...)».

45. *HN*, XVI 2: «Hic namque patre Siwardo, matre uero Bergliota, filia Thoris Tacentis, ex nobilissima Morensium ac Halogensium comitum prosapia extitit oriundus.»

46. *De profectioe*, kap. XI, s. 476.

47. Theodoricus Monachus, kap. XXXI, s. 62.

48. Såleis omsett av Astrid Salvesen i Theodricus munk, s. 84.

49. *LatDok*, nr. 25, § 1, s. 86.

50. *DN* II, nr. 4; jf. K. Helle 1972, s. 28 og 50.

ei vid tyding slik at det tyder dei beste og visaste mennene i riket.⁵² Nokre fleire førekomstar finnest også av termen, men utan at dette kastar særskilt mykje meir ljøs over bruken av den.

I ein av fablane i verket *Disciplina clericalis* skriv den jødiskfødde spanske konvertitten Petrus Alfonsi⁵³ i starten av 1100-talet om ein samtale mellom ein arabisk far og son, der sonen ber faren om ein definisjon på «sann adel» (*veram nobilitatis*). Faren seier at det er akkurat slik Aristoteles skildrar det i sitt brev til kong Aleksander, då Aleksander hadde spurt han om kven han skulle velja til rådgjevar. Aristoteles svara at han skulle velja ein mann som var opplært i dei sju frie kunstane (*liberalibus artibus*), som kunne dei sju reglane for god oppførsel (*industriis eruditus*) og som var godt øvd i dei sju riddarlege dådene (*probitatibus edoctus*). Ein slik mann, sa faren, vil eg rekna for å vera representativ for den sanne adelen (*perfectam nobilitatem*). Sonen sa då: «Men ein slik adel finnest ikkje hjå mine samtidige. Den einaste adelen eg kjenner, er heilt avhengig av gull og sølv, slik poeten seier: Den som ikkje er av god ætt, vil verta rik og vidgjeten. Men fattigdom undertrykkjer sjølv adelen.»⁵⁴ Sjølv om Petrus Alfonsi ikkje naudsynleg var representativ for oppfatningane i samtidas Europa, illustrerer det likevel at det ikkje ein gong i mellomalderen var lett å finna klåre definisjonar på kva «adel» var for noko.

51. *NgL* II, s. 458 og 463.

52. K. Helle 1972, s. 85; Imsen 2000, s. 206, note 5.

53. Om Petrus Alfonsi, sjå t. d. artikkelen om han av J. Stohlmann i *LMA* VI, sp. 1960–1961.

54. Petrus Alphonsus, *Disciplina clericalis*, Fabula III, i *Patrologia Latina* 157, s. 678: «Ad quod filius: Edissere mihi, pater carissime, veram nobilitatis diffinitionem. At pater: Ut, inquit Aristoteles in epistola sua quam Alexandro regi composuit, meminit, qui cum ab eo quaereret quem sibi ex hominibus consiliarium faceret, taliter per epistolam respondit. Accipe, ait, talem qui septem liberalibus artibus sit instructus, industriis septem eruditus, septem etiam probitatibus edoctus, et ego aestimo hanc perfectam nobilitatem. At filius: Haec nobilitas in tempore meo non contigit, imo auri et argenti tota est quam video nobilitas, ut ait quidem versificator: Glorificant gazae privatos nobilitate, paupertasque domum premit altera nobilitate». Engelsk omsetjing i Petrus Alfonsi, *The Disciplina Clericalis of Petrus Alfonsi*, s. 114.

3.3 Den historiske utviklinga

Med omsyn til sosial stratifikasjon i Noreg i tidleg mellomalder, dvs. mellom omlag 800 og 1100, så *veit* ein eigentleg ikkje så mykje. Det er likevel mogleg å peika på nokre hovudlinjer i utviklinga. Kunnskapen vår om den sosiale strukturen er fragmentarisk, men at samfunnet var sosialt stratifisert kan til dømes deduserast frå arkeologiske kjelder åleine. Nøyaktig korleis denne stratifiseringa var, er meir diskutabelt, men Per Sveas Andersen dreg fram nokre utviklingslinjer i tidleg mellomalder. Dei fleste bøndene hadde før høgmellomalderen tapt eigedomsretten (men ikkje brukretten) til det meste av jorda og hadde vorte leigendingar.⁵⁵ Andersen stiller så spørsmålet om overgangen frå ufri trell til juridisk fri person, eller frå ein meir eller mindre økonomisk fri bonde til ein leigebetalande leigending, førte til ein egaliseringsprosess eller til ein prosess med aukande avstand mellom dei forskjellige samfunnsgruppene. Det tradisjonelle synet er at det førte både til ei egalisering innan og ei sosial degradering av «bondestanden», samstundes som det auka den sosiale skilnaden mellom bøndene på den eine sida, og dei styrande samfunnsgruppene på den andre.⁵⁶

Det er fleire problem med desse forklåringane. Det er mykje uvisse knytt til kor mykje jord «bøndene» opphavleg åtte. Forklåringa som hevda at bøndene opphavleg var frie jordeigarar har sitt utgangspunkt i den såkalla *Gemeinfreie*-doktrinen.⁵⁷ Denne doktringen har lita tilslutning frå historikarar i dag.⁵⁸ Hypotesen om ein økonomisk og sosialt fri og jordeigande klasse av bønder kan korkje provast eller sannsynleggjerast med basis i empiriske studiar, sjølv om ein skulle flytta denne postulerte sosiale ordninga langt tilbake i jernalderen.⁵⁹ Slik Knut Helle har formulert det, er det freistande å spørja om trua på ein bondestand som fullt ut åtte si eiga jord, er eit fruktbart utgangspunkt for norsk sosialhistorie.⁶⁰ Nyare forskning peikar då også i retning av at Noreg var eit høgt stratifisert samfunn lenge før mellomalderen.⁶¹ Det er også interessant å sjå at nyare forskning har vist at tinget i dei nordiske landa i mellomalderen var klårt dominert av samfunnselitane. Eit overslag syner at neppe meir enn 3–4 % av folketalet i Danmark var frie menn som hadde noko å seia

55. P. S. Andersen 1977, s. 212.

56. P. S. Andersen 1977, s. 212–213.

57. Denne kan kort forklårast som trua på at dei germanske stammene var samansette av frie bønder (*Gemeinfreie* på tysk), som busette seg på 400- og 500-talet i egalitære samfunn utan noko form for aristokrati. Først seinare utvikla det seg aristokrati og herredøme over jorda. Jf. Wickham 1992, s. 223.

58. Jf. T. Iversen 1997, s. 287–288

59. T. Iversen 1997, s. 288; jf. dessutan K. Helle 1998, s. 252.

60. K. Helle 1981, s. 173.

61. Jf. t. d. F. Iversen 1997; D. Skre 1998; F. Iversen 2004. For eit oversyn over det før mellomalderlege samfunnet i Noreg, sjå B. Solberg 2000; Myhre og Øye 2002; Myhre 2003.

på tinget. I 1096 var det ikkje meir enn totalt 4560 fullfrie menn på Island ifølgje Ari fróði, og det ut av eit samla folketal på omlag 80.000.⁶²

Den sosiale stratifiseringa i Vest-Noreg (Gulatingsslag) i vikingtida, var neppe berre eit resultat av konsentrasjon av rikdom gjennom plyndringsferder i Nord-Europa. Det finnest nok av prov som viser at store rikdomar var konsentrert på relativt få hender i dette området, og at samfunnet her var dominert av eit aristokrati alt rundt 800, truleg også lenge før. Terminologien som vart nytta på dette sosiale laget varierte noko – konge, jarl, herse eller hauld – men fellestrekket er at dei driv og brukar jorda dei eig med støtte frå ætta, tenarar og trellar.⁶³ Haulden har tradisjonelt vore sett på som ein storbonde av norske historikarar, der fellestrekket med omsyn til haulden er at haulden vert definert som ein integrert del av bondesamfunnet, og at han i trongare eller vidare tyding framleis er ein bonde.⁶⁴ Eit ekstremt eksempel er Andreas Holmsen som jamvel hevda at haulden framleis var «normalmennesket» i Noreg kring 1100.⁶⁵ Bondesamfunnet er, slik eg ser det, eit uheldig omgrep når ein snakkar om sosiale strukturar, og eg har meir sans for det oversynet over samfunnsgruppene i tidleg mellomalder som vert presentert i boka til Ole Georg Moseng, Erik Opsahl, Gunnar Pettersen og Erling Sandmo, der haulden, saman med årboren mann, bonde og rekstegn, vert plassert ei gruppe som vert omtalt som «fullfrie utenom offentlige hierarkier», og ikkje direkte i bondesamfunnet (sjå tab. 3-1).⁶⁶ At hauldsbota i Gulatingsslova vert sett som eit utgangspunkt for satsane for alle andre samfunnsklassar, fortel meir om kva samfunnsklasse som har sett Gulatingsslova, enn kva det gjer om normalmenneska. Det er nærliggjande å tenkja seg at dei som har kontrollert jorda og bruken av den, samstundes har hatt høve til å setja makt bak krav både i og til lovene (jf. kap. 2.2). Etter mitt syn må haulden på bakgrunn av den sosiale statusen han har i lovene, og det avgrensa samtidige kjeldematerialet ein har, sjåast på som ein del av aristokratiet.⁶⁷ Tabellen nedanfor illustrerer korleis det utetter mellomalderen vert differensiert stadig meir mellom medlemmane av verdslege og geistlege elitar og mellom frie menn i samfunnet elles, og mellom offentlege og ikkje-offentlege hierarki. Dei halvfrie og ufrie gruppene vert derimot gradvis færre heilt til dei er borte i Landslova.⁶⁸ Slike hierarkiske oppstillingar fortel oss noko om korleis folk i mellomalderen

62. *Íslendingabók*, kap. X, s. 23, samt note 5 på same side; P. Sawyer 1982, s. 59; Porsmose 1988, s. 259; N. Lund 2004, s. 206.

63. P. S. Andersen 1977, s. 213.

64. Jf. t. d. Jón Viðar Sigurðsson 1999, s. 206–207; K. Helle 2001, s. 117; Øye 2002, s. 258.

65. Holmsen 1977, s. 180.

66. Moseng et al. 1999, s. 91.

67. Ugulen 2003 (under utgjeving i ein lett revidert versjon). Det som kan sjå ut til å vera den reelle skilnaden mellom lendmann og hauld, er at lendmann har fått jord av kongen, medan haulden ikkje har det. Jf. dessutan Chadwick 1905, s. 231–233, 237–239 og 399.

såg på samfunnet dei levde i, men dei fortel likevel lite om dei verkelege kompleksitetane i den sosiale strukturen i aristokratiet.⁶⁹

Tabell 3-1. Samfunnsgruppene i tidleg og høgmellomalder omtalte i lovene (etter Moseng et al. 1999, s. 91)

Samfunnsgruppe	Posisjon	Landskapslover ca. 1100	Landslova 1274
Kongeleg eller kyrkjeleg hierarki	jarl	x	x
	biskop		x
	abbed		x
	lendmann	x	x
Fullfrie utanom offentlege hierarki	haudd	x	x
	årboren mann	x	
	bonde	x	x
	rekstegn	x	
Halvfrie og ufrie	løysingson	x	
	løysing	x	
	frigjeven utan frelsesøl	x	
	trell	x	

Knut Helle spør retorisk om det norske samfunnet i høgmellomalderen kan kallast eit føydalsamfunn.⁷⁰ Norsk historisk mellomalderforskning i det 20. århundre var på eit tidleg stadium relativt sterkt påverka av eit marxistisk syn på historia. Samanlikna med dei andre nordiske landa så vel som resten av Vest-Europa, er dette eit uvanleg fenomen.⁷¹ Ein kunne dermed venta at den marxistiske påverknaden på leiande norske historikarar, skulle føra til ei interesse i spørsmålet om kor vidt det eksisterte ein føydal periode i Noreg i den marxistiske tydinga av føydalisme som eit produksjonssystem. Dette har ikkje vore tilfellet, og har truleg samanheng med at norske medievisitar, inkludert dei marxistinspirerte, har vore godt skulerte i den vesteuropeiske tradisjonen som i hovudsak nyttar termen føydalisme om den institusjonelle sfæra, kjenneteikna ved ein kombinasjon av relasjonstypar som personlege tiknytningar mellom herre og vasall, og utdeling av len mot gjenytningar i form av til dømes krigsteneste. Det er vanlegvis på denne måten at spørsmålet om Noreg som eit føydalsamfunn i mellomalderen har vorte stilt. Svaret på spørsmålet har oftast vore i retning av at føydale tendensar var til stades i ei viss grad, men at det aldri eksisterte eit konsistent føydalsamfunn i mellomalderens Noreg.⁷²

Knut Helle har sjølv freista å oppsummera desse tendensane med utgangspunkt i Marc Bloch (1886–1944) sin vide definisjon av føydalisme som ei heil samfunnsform.⁷³ Hirda i Noreg var i

68. Moseng et. al 1999, s. 91.

69. Stacey 1999, s. 14.

70. K. Helle 1981, s. 186.

71. K. Helle 1981, s. 161.

72. K. Helle 1981, s. 186–187.

realiteten kongens vasallar, og dei skulda han truskap og teneste som gjenyting for hans vern og økonomiske gåver som i prinsippet svarte til føydale len: inntekter frå kongeleg eigedomar og/eller ein del av andre kongelege inntekter. «Aristokratisk» status og len vart også til ei viss grad arvelege. Opptaksseremoniane til hirda imiterte underkastinga til vasallane til herrane sine, og terminologien til den europeiske føydalismen vart delvis nytta. Men, som Helle peikar på, det var i hovudsak innanfor landets politiske organisasjon at desse føydale tendensane vart følte, og dei tente i første rekkje sentraliseringsformål i høg mellomalderen. Den føydale inndelinga med omsyn til rett til jordeigedom erstatta heller ikkje lovene som sikra privat eigedomsrett i Noreg.⁷⁴ Andre avvik frå Blochs definisjon finnest også, slik som fråvære av store gods, privat jurisdiksjon hjå herrane, og pålegg for bøndene om arbeidsplikt for jordherren.⁷⁵ Desse avvika er sjølv sagt innbyrdes avhengige av kvarandre, ettersom fråværet av store gods i hovudsak skuldast den topografiske situasjonen i Noreg som gjer det vanskeleg, om ikkje umogleg, å danna store samanhengande godssamlingar, som igjen ofte er naudsynte for tronga for å påleggja bøndene arbeidsplikt såvel som godsherrens trong for privat jurisdiksjonsrett. Arbeidsplikt møter vi vel først i kjeldene på 1500- eller 1600-talet,⁷⁶ men med det kjeldetapet ein har for mellomalderen i Noreg kan ein likevel ikkje utelukka at det også forekom her til lands i mellomalderen. Slike opplysningar kan ein i første rekkje venta å finna i bygselkontraktar utferda av private jordegodeigarar, og slike kjelder er det forsvinnande lite av frå norsk mellomalder.

Erik Opsahl har påvist andre føydale trekk i det norske samfunnet i seinmellomalderen, nemleg under- eller ettervasallitet. Opsahl viste at undervasallitet var eit nokså vanleg trekk frå seinast siste halvta av 1200-talet, og at desse undervasallane⁷⁷ vanlegvis vart rekrutterte frå det same eller eit litt lågare sosialt sjikt enn det herren sjølv tilhørte. Dermed må det ha eksistert eit sjikt av menn i Noreg som stod utanfor hirda, men som likevel hadde ei militær utrustingsevne på linje med fleirtalet av hirdmennene. Desse var då også mogleg å mobilsera i teneste for systemennene.⁷⁸

73. Bloch 1989.

74. K. Helle 1981, s. 187; jf. K. Helle 1995, s. 190.

75. K. Helle 1981, s. 187–188; jf. K. Helle 1995, s. 190.

76. Sjå t. d. *Skem 1647 Sogn og Fjordane*, s. 63–64, der det er lista opp vekedagsbønder (bønder med arbeidsplikt) under hovudgardane Kaupanger og Stedje i Sogndal i Sogn.

77. Terminologien varierer, men frå seinmellomalderen er dei oftast omtalte som herresveinar eller liknande.

78. Opsahl 1991a, engelsk samandrag i Opsahl 1991b.

3.3.1 Skattefritak i norsk mellomalder

Ole Jørgen Benedictow skriv at det normalt viktigaste adelsprivilegium i Europa, var immunitet, eller snarare skattefridom. Kravet frå aristokratiet om skattefridom vart først oppfylt i 1270-åra, og Benedictow meiner at måten dette vart gjennomført på, meir enn noko anna viser den særreine stillinga til den norske adelen i høve til sine nordiske og ikkje minst europeiske standsfeller. Skattefritaket til det norske aristokratiet var berre av symbolsk-honorær art.⁷⁹ Sjølv om ein må seia seg samd med Benedictow i at skattefridomen til det norske aristokratiet var liten, er den ikkje til dei grader det særsyn i Europa som han vil ha det til. Skattefridom var rett nok eit viktig «adelsmerke», men det var slett ikkje slik at all adel i Europa hadde skattefridom, og der dei hadde det var det oftast berre tale om fritak frå visse *typar* av skatt, ikkje fritak for *all* skatt.⁸⁰ Dette er ikkje minst vist av den britiske historikaren Michael Bush.⁸¹ Frå 1200-talet og frametter hadde til dømes ikkje det engelske aristokratiet noko allment skattefritak.⁸²

Knut Helle skriv at i 1277 eller kort før, fekk dei handgangne mennene til kongen fritak for leidangsskatt og andre leidangsplikter. Skutilsveinane fekk fritak for seg sjølv og to andre personar, dei lågare gradene for seg og ein person.⁸³ Bakgrunnen for dateringa av dette er ein paragraf i Sættargjerda av 1277,⁸⁴ der erkebiskopen får skattefritak for seg sjølv og 100 menn, biskopane for seg sjølve og 40 menn, og sokneprestane for seg sjølve og to menn:

Volens autem insuper predictus dominus rex ecclesiam Nidrosiensem ad huc amplioribus beneficijs quam huc usque habuerat suis temporibus honorare domino archiepiscopo et suis successoribus pro se et suis heredibus inperpetuum centum homines ab expeditionibus regijs et uocationibus et a tractione nauium et specialiter de tributo quod uulgariter leidangr appellatur concessit liberos et immunes. ita quod quidam ex hijs centum qui scutilsueinar appellantur a predictis sint immunes eo modo quo homines regis esse solent et tempore compositionis facte habebant cum duabus alijs personis quas ipsi ad hoc de sua familia duxerint eligendas. ceteri uero cum secunda persona predicta gaudeant libertate.⁸⁵

Her får altså erkebiskopen fritak for hundre menn for kongelege krigstog og andre pålegg, og særskilt frå den skatten som heiter leidang, der dei som kallast skutilsveinar skal ha fritak på same måte

79. Benedictow 1971, s. 11.

80. Bush 1983, s. 27: «Exemption from the payment of taxes served over the centuries as a chief distinguishing mark of nobility. Yet it was never enjoyed by all the European nobilities. Moreover, it tended to appertain, especially with regard to direct taxation, to no more than a fraction of a nobility's membership and generally it applied only to certain taxes, not the whole revenue system.»

81. Bush 1983, særskilt s. 27–64, der han tek for seg fiskale privilegier.

82. Stacey 1999, s. 18.

83. K. Helle 1974, s. 202.

84. Om denne, sjå Bagge 1977, med litteraturtilvisingar. Jf. dessutan L. Hamre 2003 og E. Haug 2003.

85. *NgL* II, del VI, nr. 3, s. 465, jf. s. 472; norsk omsetjing i *NMD*, s. 144.

som kongens menn pleier å ha og som dei hadde det på den tida då denne overeinskomsten vart slutta (*eo modo quo homines regis esse solent et tempore compositionis facte habebant*).⁸⁶ Fritakinga må i realiteten gjelda jord, meiner Knut Helle, men skriv at ein ikkje veit korleis personar eller nev vart omrekna i jord.⁸⁷ Benedictow meiner, med tilvising til nokre forelesingar av Andreas Holmsen, at eit nev svarar omlag til eit markebol, og at skattefridomen dermed ikkje har vore over 3/6 til 3/8 mark, noko som er ein heilt «ubetydelig sum».⁸⁸ Termen «nev» står ikkje i Sættargjerda – der er det berre tale om personar. Denne termen dukkar først opp i ein skipan frå kong Håkon 5. Magnusson om leidangsytingane til handgangne menn, lærde menn og biskopsmenn, dagsett Bergen i 1311:

Ver hofum vndirstaðit at handgegnir men varir. lerðir men ok byskups men fyrir nemast hina hestv skyldv sina at gera konungdominvm leiðangr a bælvum sinum ok iorðum mote loglegvm rettendum. Megv ver þat með engv mote þola nea lyða lata at sua mikils hattar retrr ok lyðskylda gange vndan krununi a vara daga. en fornann rett vilu ver j engu skerða fyrir hirð vare ok lerðum monnum. at fyrir rid-dara hverium preste ok hirðmanne skolu skerða þriv nef en fyrir gest ok kertissueini .ij. nef i abælum þeirra.⁸⁹

Dette er klårt ei innskjerping av det som er sagt i Sættargjerda. Men eg ser ikkje at det skal vera naudsynt at termen «nev» skal tyda noko anna enn ein person her heller. Det som etter mitt syn er den enklaste tolkinga her, er at riddarar, prestar og hirdmenn skal ha fritak sjølvtrøje, medan gjestar og kjertesveinar skal ha fritak sjølvannan. Fritaket derimot, er innskjerpa til berre å gjelda setegarden/heimegarden (åbølet) til dei personane som får fritaket, utan at det seier noko om kor stor skatten er. Det er synd at vi ikkje har teksten som fortel om det originale leidangsfritaket som er referert til i Sættargjerda, men det er ikkje vanskeleg å sjå at teksten frå 1277 har rom for tolking i retning av at skattefritaket gjeld all jord som dei fritekne personane har, og ikkje berre setegarden deira. At den også har vorte tolka slik, kjem greitt fram i siste del av skipanen frå kong Håkon 5.,⁹⁰ og det forklarar godt kvifor kongen ville innskjerpa eller presisera kva fritaket skulle gjelda.

Benedictow forvirrar meir enn det som godt er, når han viser til aktive forsøk «fra stormennenes side på å få frihet for hele setegården», men at det einaste dei oppnådde gjennom rettarbota av 1311 var at fritaket vart utvida til tre nev også for hirdmennene.⁹¹ Dei får jo vitterleg fritak for setegardane sine. Teksten refererer til «abælum þeirra» (åbølene eller setegardane deira),⁹² altså ei fleir-

86. Jf. E. Bull 1920, s. 97–98; J. A. Seip 1942, s. 109–110.

87. K. Helle 1974, s. 202.

88. Benedictow 1971, s. 11, og note 4a, s. 42.

89. *Njg*L III, nr. 29, s. 90–91; jf. *NMD*, nr. 56, s. 266–269

90. *Njg*L III, nr. 29, s. 90–91, med mellom anna tilvisingar til dei som vegrar seg for å betala leidang, og instruksar til syslemennene om korleis dei skal krevja inn leidang av desse mennene.

91. Benedictow 1971, s. 11.

92. Jf. forklåringa på «åbœli» i Fritzner I, s. 5: «Gaard, Jord, som en bebor, hvorpaa han har sin Husholdning».

talsform som må gå attende på dei tre/to personane som får fritaket, og ikkje til ein elles ukjend skatt som svarar til noko rundt to/tre markebol. Også Grethe Authén Blom⁹³ bidreg til denne forvirringa når ho med tilvising til P. A. Munch⁹⁴ hevdar at nev er «en betegnelse som på denne tid stod på spranget over til en ny betydning, nemlig jordeiendom av en viss størrelse, men hvis omfang forskerne ikke har funnet det lett å beregne med full sikkerhet.». At ein ikkje har makta å finna ut kor stor jordeigedom eit nev tilsvarar, er ikkje særleg overraskande all den tid det finnest enklare løysingar på kva eit nev er. Det norrøne ordet «nef» som nemning for skatt er heilt ukjent i kjeldene, og i lovspråk refererer det utan unntak til ein person.⁹⁵ Kvifor ein då skal argumentera for at det er ein skatt, er etter mitt syn ei unødig komplisering av eit relativt enkelt problem.

Leidangsfritak førekjem elles lenge før Sættargjerda. Alt i den eldre Gulatingslova er det presisert kven som ikkje skal gjera leidang. Der gjeld det mellom anna biskopar, prestar, diakonar og messeprestar, samt kongens årmenn.⁹⁶ Fritaket for år mannen meiner Grethe Authén Blom går attende til Olav Haraldssons tid (1015–1028), medan ho daterer fritaket for dei geistlege til perioden 1100–1150.⁹⁷ Likevel vert det slått fast i Eirik Magnussons store rettarbot at handgangne menn, prestar og biskopsmenn skal gjera utfareleidang og skipafe som andre menn.⁹⁸

I 1293 eller 1294 kjem det fram at rådmennene i Bergen også får (eller får stadfesta) leidangsfritak.⁹⁹ Kong Eirik Magnussons rettarbot om tilhøva i Bergen seier mellom anna følgjande:

Gæfwom wer þeim sem radhzmen ero þæssar rættarbœtr. fyrst ath þæir skulu i eingom nefninghom wera ok ath þæir skulu engan læidanghir gæra ath þæir læggi þy mæiran hwgh aa oc ahyggio æn adher þa lutti sem bœnom wardar. skal gialkyræ oc logmadr wmskiptta radzmonnum med godra manna radhæ. ef ein huer færler i fra þo ath wer sæm æigi sialfwer i hia.¹⁰⁰

Eg kan ikkje sjå at rådmennene er nemnte i innskjerpinga om leidangsfritaket til kong Håkon 5. i 1311, men det er vel grunn til å tru at dei er meinte likevel. Det er vanskeleg å tenkja seg at riddarar og deira likemenn vil godta ei innskjerping utan at folk med leidangsfritak som er under dei i rang, samstundes er inkluderte i den same innskjerpinga.

93. G. A. Blom 1967a, s. 282–283.

94. P. A. Munch 1858, s. 589, note 1.

95. Jf. Fritzner II, s. 803–804, s. v. «nef»; Hertzberg 1895, s. 468; *Norrøn ordbok*, s. 313.

96. G 298; jf. *Den eldre Gulatingslova*, s. 161–162; *Gulatingslovi*, s. 269–270.

97. G. A. Blom 1967a, s. 45 og 71–73.

98. *Ng*L III, nr. 1, s. 5: «Sua skolu handgengnir menn. prestar oc byskups menn gera utffara leiðangr oc skipa fe sem aðrer menn».

99. Datering etter Steinnes 1937, s. 37.

100. *Ng*L III, nr. 6, s. 26, der dagsett 9. mars 1295. Jf. *NMD*, nr. 40, s. 198–202; *RN* II, nr. 738.

Til ei viss utstrekning vart også dei tyske kjøpmennene i norske byar fritakne for leidang. Derimot måtte vintersitjarane og handverkarane betala leidang, noko som også vart innskjerpa i ei rettarbot frå 1344.¹⁰¹ Frå Håkon 6. Magnussons styringstid (1355–1380) kjenner vi to brev der verdslege einskildpersonar får skattefritak og frelsebrev. Det første er dagsett 1372, der jemten Peter Aleksandersson saman med kona si og borna deira og alt godset deira vert teken i kongeleg vern og traust. Vidare seier kongen at han har gjeve han «sin eighan settes gard bergho frealsan ok kuittan af ollom wtgerdom, skattom tollom ok alaghom sakar þes at han er nu waar handgengin man worden».¹⁰² Også her er det altså berre tale om skattefritak for setegarden åleine, og setegarden har han fått av kongen. Slike innskrenkingar møter vi derimot ikkje i privilegiebrevet for Lykke Petersson som er dagsett 1380. Han og hustrua hans, Åsa Grimsdotter, får då fritak for all skatt, toll og pålegg for «sakar hollra þionosto som waar elskelighin þiænare Lykki Pætersson hefuir oss weit ok æn hedhanaf weita skal». Alle menn, og særskilt kongens futar og deira ombodsmenn, får jamvel forbod mot å gjera innskrenkingar i dette fritaket.¹⁰³ Her er det ikkje gjort innskrenkingar med omsyn til kor mykje som er skattefritt, og ein må dermed rekna med at det er tale om alt gods. Eit tilsvarande eksempel frå seinare i mellomalderen er då kong Christian 1. i 1453 gjev riddaren Hans Kruckow skattefridom for alt hans gods.¹⁰⁴

Det ser ut til at det er leidangsfridomen for setegardane som er det einaste skattefritaket av vekt gjennom heile mellomalderen. Interessant i denne samanhengen er dermed det leidangsfrirket som bondelensmennene og bøndene på tingstadane har i tidleg nytid.¹⁰⁵ For bondelensmennenes del er det i det minste freistande å trekkja linja tilbake til mellomalderens hirdmenn og sveinar og deira skattefridom. Dronning Margrete utferda i 1392 ei rettarbot, der ho mellom anna understrekar at ingen skal minka kongens leidang meir enn det som er sagt i lova.¹⁰⁶ Kong Fredrik 1's norske handfesting frå 1524 inneheld ein paragraf der det vert sagt at ingen skal ha sitt gods kvitt og fritt frå

101. Bjørkvik 1965b, sp. 438.

102. *JHD* I, nr. 103; *DN XXI*, nr. 141. Jf. *RN VII*, nr. 239.

103. *DN II*, nr. 463; *RN VII*, nr. 869.

104. *DN VI*, nr. 545.

105. Sjå t. d. ein herredagsrecess for ålmugen i Bergenhus len frå 1578 i *NHD Første Række* I, s. 146, der herredagen vil leggja fram for kongen opplysninga om «att the bønder, som boer paa thingstedet, haffuer weritt frij for leiding och bøndernis leenszmend haffue werdit skatte frij for thieris wmag och besuering». Jf. *Lover og forordninger*, nr. 384/29, s. 155. Fritak for bøndene som bur på tingstadene vart stadfesta av kongen i 1579 (*NRR II*, s. 321; *Lover og forordninger*, nr. 406, s. 178), medan lensmennenes skattefridom kan stadfestast ved gjennomgang av lensrekneskapane for tidleg 1600-tal. Jf. også Steinnes 1927, s. 16.

106. *NgL2 I*, nr. 16, s. 23; *DN VI*, nr. 338.

kongeleg rente i Noreg, krona til skade, utan dei setegardane som kyrkja og riddarskapet har, eller dei som kongen unnar det og dei som frå gammalt av har hatt fritak.¹⁰⁷

3.3.2 Rang, titlar og ombod

Mellomalderens rangordningar var strikse, og til dømes ved brevutferdingar er rekkefølga på utferdarar, vitner og/eller sigillatorar ein god indikasjon på deira rang i høve til kvarandre. Innanfor dei forskjellige rangklassane vart det differensiert ved ansiennitet. Først kjem som regel dei øvste kyrkjelege dignitarane, som erkebiskop og biskopar, deretter baronar, riddarar og væpnarar.¹⁰⁸ Ut over dette kan det også vera på sin plass å minna om at det er ein viss skilnad mellom rang, embete og tittel. Baron og riddar er til dømes rangnemningar, og eigentleg ikkje titlar. Herre og frue er på si side titlar (eller tiltaleformer). Erkebiskop, biskop, hertug og jarl er derimot både embeter og rangnemningar, men heller ikkje desse er titlar, medan nemningar som systemann, kansler og merkesmann er embetsnemningar. Det vert i praksis ofte ikkje gjort nokon skilnad på desse, særskilt gjeld dette rang og tittel, og ein talar ofte om riddartittel i staden for riddarrang.¹⁰⁹

Hirda som korporasjon og utviklinga av hirda har det neppe noko for seg å gjennomgå i detalj her. I staden viser eg til Lars Hamres artikkel i *KLNM* og andre arbeid.¹¹⁰ Men eit oversyn over strukturen og hierarkiet i hirda er naudsynt før eg går vidare inn på terminologien med omsyn til rang og titlar. Hirda var organisert i tre korporasjonar samt ei elitegruppe av hirdstyrarar på toppen. Medlemmene av kvar korporasjon hadde dei same rettane og pliktene, og dei hadde også i avgrensa monn rett til å verta dømt av sine likemenn, såkalla *privilegium fori*. Dei vanlege hirdmennene utgjorde den største korporasjonen, og rangerte over dei to andre korporasjonane, høvesvis gjestar og kjertesveinar. I elitegruppa av hirdstyrarar var hertug og jarl dei fremste. Nest etter dei rangerte lendmennene, som utgjorde hirdas eigentlege toppsjikt. Dei same rettane som lendmennene, hadde også hird- og hoffembetsmennene kanslar, stallare og merkesmann. Under desse rangerte så skutil-sveinane.¹¹¹ Eg kjem attende til alle desse rangnemningane nedanfor.

107. DN VII, nr. 594; *NgL2* IV, nr. 93/45, s. 219: «Jtem engen schall haffue siitt gods friitt mett kongelige renthe wtij Norge kronnen tiill skade oc affdregt vden hues szed gorde som kircken oc riidderskaffuett haffue, *vdertagett Vtherøen oc Grebe som aff gamell dage oc ariildts tiidt friitt mett alt kongelige renthe vnder erckebishop stollen i Trundhem leygett haffuer, oc vden hwem wij thett nadeligen wndet haffue eller nadeligen vnne ville oc aff ariildts tiidt friitt waret haffuer.»

108. Jf. B. Hildebrand 1961, s. 245.

109. Sjå t. d. Löfqvist 1935, s. 125 og fleire stader; B. Hildebrand 1961, s. 245–246.

110. L. Hamre 1961c. Av andre arbeid kan nemnast Larson 1964; Steinar Imsens innleiing i *Hirdskeråen*, særskilt s. 35–50, og Imsen 2000.

111. L. Hamre 1961c; Imsen 2000, s. 207–210; *Hirdskeråen*, s. 35–50.

Den vanlege oppfatninga mellom norske historikarar har vore at hirdorganisasjonen gjekk i oppløysing som ei følgje av kongefellesskapet med Sverige og seinare Danmark i seinmellomalderen, ettersom ei av dei viktigaste føresetnadene for hirdhaldet, nemleg livvaktteneste og væpna følgje, forsvann av di felleskongane opphaldt seg i hovudsak utanfor Noregs grenser.¹¹² Mot dette argumenterer Erik Opsahl overtydande for at hirdorganisasjonen «var i full oppløsning i tida etter 1319».¹¹³ Ein kan kasta ljøs over skjebnen til den norske hirda ved å samanlikna med utviklinga i Sverige og Danmark, og særskilt på bakgrunn av kongefellesskapet med Sverige frå 1319 vert svenske forhold viktige som eit mogleg grunnlag for påverknad. I desse to nabolanda forsvann hirdorganisasjonane i samband med omdanning av den verdslege stormannsgruppa, og ikkje på grunn av kongefellesskap. Hirda vart derimot borte på 1200-talet samstundes som ei verdsleg privilegert krigarstand (i Danmark herrestand, i Sverige frelsestand) vart etablert. Denne standen utvikla seg i retning av ei verdsleg adelsstand i løpet av seinmellomalderen, med dei to rangklassane ein kjenner frå riddarvesenet (sjå nedanfor): riddarar og væpnarar. I Sverige fekk ein utover 1300-talet ei oppdeling i tre rangklassar: riddarar, væpnarar og vanlege frelsemenn. Noko klårt bilete av den direkte overgangen mellom hirdorganisasjon og etableringa av ein herrestand/frelse har ein likevel ikkje, og i Danmark har tilsynelatande hirdorganisasjonen eksistert formelt ved sidan av den nye herrestanden.¹¹⁴ Med dette som bakgrunn argumenterte Ole Jørgen Benedictow i 1972 for at ein måtte sjå opphevinga av lendmannsrangen i 1308 i samanheng med ei (no tappt) avgjerd ein gong mellom 1308 og 1311 om innføring av riddarvesenet i Noreg, og at denne avgjerda tok sikte på oppløysing av hirdorganisasjonen og ei nyorganisering av dei handgangne mennene i samsvar med riddarvesenet sine ideal.¹¹⁵ Sjølv om Benedictow kan ha rett i at hirdorganisasjonen formelt vart oppløyst under Håkon 5., har hirda som omgrep og fungerande fellesskap ikkje forsvunne umiddelbart, ettersom ein møter nemninga ut over seinmellomalderen.¹¹⁶ Likevel meiner Erik Opsahl at dei omtalte hirdstemna i 1320-åra eller omtalen av hirda generelt etter 1319, ikkje indikerer at hirda eksisterte som korporasjon slik ein kjenner den frå Kongsspegelen og Hirdskråa. Nemningane må derimot sjåast på som gamle omgrep som hadde fått nytt innhald. Det same må også gjelda for Hirdskråa, meiner han.¹¹⁷ Det finnest også indikasjonar på at formyndarstyret i 1280-åra forsømte hirdorganisasjonen, då det i rettarboten til Håkon 5. frå 1308 heiter at hirda ikkje hadde fått det dei

112. Jf. L. Hamre 1961c, sp. 576.

113. Opsahl 1991a, s. 67–78.

114. Opsahl 1991a, s. 68.

115. Benedictow 1972, s. 272–273. Jf. Opsahl 1991a, s. 68–69.

116. Opsahl 1991a, s. 69–70.

117. Opsahl 1991a, s. 76.

hadde tilgode av kongedømet i hans og broren sin barndom. Etter alt å døma har oppløysinga av hirdorganisasjonen starta alt i slutten av 1200-talet, og aksellerert etter at kongefelleskapet med Sverige tok til i 1319. Likevel tok det lang tid før ei relativt fast avgrensa stormannsgruppe vart etablert etter mønster frå riddarvesenet, og den sosiale mobiliteten mellom samfunnsgruppene var relativt stor.¹¹⁸

Med omsyn til den følgjande gjennomgangen av rangnemningar, ombod, embete og titlar, har eg vurdert det som ei føremon for lesaren at eg har dette med her, i staden for at det kjem i form av fotnotar i den løpande teksten i kapittel 4. Det er også enklare å sjå attende til denne bolken der alt er å finna på ein stad, enn kva tilfellet ville vore med eit noteapparat. Materialdelen inneheld personar med dei aller fleste av desse nemningane og titlane.

Av dei forskjellige rangnemningane er hertugtittelen den som rangerer nest under konge i det verdslege rangsystemet. Den er først kjent i Noreg med Skule Bårdssons utnemning til hertug i 1237. Med omsyn til Snorres forteljing om Harald Hårfagre som gav sin morbror Guttorm tittelen hertug,¹¹⁹ kan ein slutta seg til den danske historikaren Gustav Ludvig Baden (1761–1840) som alt i 1820-åra peika på at dette ikkje kunne vera rett. Han meinte vidare at «Guthorms Benævnelse som Hertug» kunne koma frå «Smigreri for Hertug Skule, der, som bekjendt, var Snorres store Patron»,¹²⁰ noko som ikkje er usannsynleg. Dette vert også understreka i *Håkon Håkonssons saga* der det vert sagt at då kong Håkon gav hertugnamn til Skule Bårdsson, var dette ein tittel som ingen hadde hatt i Noreg tidlegare.¹²¹ Det vart heller ikkje mange fleire som bar hertugtittelen i Noreg. Håkon Magnusson, den yngste sonen til Magnus Lagabøter, vart utnemnt til hertug i 1273, og var det til han vart konge då broren døydde i 1299.¹²² Sidan var det ikkje hertugar i Noreg, dersom ein då ikkje skal rekna hertug Erik Magnussons «mellomnordiske rike» i førstninga av 1300-åra,¹²³ og hertug Christians (2) visekongetid i Noreg i starten av 1500-talet som former for hertugdøme.¹²⁴ Hertugen skulle etter Hirdskrâa heller ikkje ha fleire handgangne menn enn kva kongen hadde.¹²⁵

118. Opsahl 1991a, s. 77–78.

119. *HkrBA* I, Haralds saga ins hárfagra, kap. I, s. 94.

120. Jf. O. Dahl 1990, s. 17, med tilvising til *Budstikken* V, s. 38–39.

121. *HHVigf*, kap. 190, s. 169: «Þat tignar-nafn hafði eingi fengit fyrri í Noregi»; jf. *HHS*, s. 163.

122. L. Hamre 1961b.

123. Erik Magnusson fekk Elvasysla i forlening frå kong Håkon 5 i 1304, og hadde det til han vart drepen i 1318. Sjå t. d. K. Helle 1995, s. 218–219; Moseng et al. 1999, s. 152–156.

124. Om denne tida, sjå t. d. L. Hamre 1971a, s. 194–236.

125. H 8 (13), i *Hirdskrâen*, s. 74–77.

Jarl var nemninga på den fremste verdslege stormannen inntil hertugtittelen kom i bruk i 1237. Hirdskråa fortel at det i lange periodar ikkje har vore jarlar i Noreg, og det har ålmugen likt best.¹²⁶ Den siste jarlen innanlands i Noreg var erkebiskop Jørund av Nidaros som vart utnemnt i 1297, og var det til han døydde i 1309. I 1310 kunngjorde Håkon 5. at erkebiskopane ikkje lenger skulle vera jarlar. Ut over dette fantest det jarlar i Skattlanda, på Island ei kort tid mellom 1258 og 1268, og ikkje minst på Orknøyane der det residerte jarlar heilt fram til øyane vart pantsatte til Skottland i 1469/1470.¹²⁷ Heller ikkje jarlen skulle ha fleire handgangne menn enn kongen.¹²⁸

Lendmann er ein mann som har fått land av kongen.¹²⁹ Etter Hirdskråa skal lendmennene nest etter hertug og jarl vera fremst mellom kongens rådgjevarar, også innan hirda, i alle viktige saker. Dei har også rett til å halda seg med huskarar, men ikkje meir enn førti.¹³⁰ Kor mange lendmenn det har vore til eikvar tid i Noreg, har vore omdiskutert. Gustav Storm rekna med mellom 20 og 30 på Olav den heilages tid (1015–1028), og omlag like mange i Magnus Erlingssons tid (1163–1184). Oscar Albert Johnsen rekna på si side med kring 100 lendmenn i siste del av 1100-åra.¹³¹ Den siste undersøkinga som er gjort med omsyn til dette, er utført av Kjell-Jørund Kleivane, og han opererer med mellom 29 og 42 lendmenn i perioden mellom 1159 og 1177, mellom 22 og 27 i 1184, og sidan gjekk talet ned til kring 20, med unntak for 1239 då han har mellom 32 og 34 lendmenn. I siste del av 1200-talet ser talet på lendmenn ut til å ha vore stabilt mellom 14/15 og 20/21 lendmenn.¹³² I 1277 gav Magnus Lagabøter lendmennene rett til å kalla seg baronar, og skutilsveinane rett til å kalla seg riddarar, samt at begge klassane fekk nytta herretittel.¹³³ Talet ser ut til å vera redusert til kring 10 då kongen i 1308 avstod frå å gje barontittelen til nye menn.¹³⁴

Kanslaren skal også vera ein av kongens fremste rådgjevarar innan hirda, og han skal ha rett og rang som lendmennene. Kanslaren hadde ansvaret for kongens segl og kongebrev, og dei fleste sidene av skriftleg styringsverksemd.¹³⁵ I starten ser kanslarembetet ut til å ha vore knytt til dei kongelege kapellgeistlege, men det har neppe eksistert noko organisert kanselli før mot slutten av 1200-åra.¹³⁶ Då Ivar Olavsson vart utnemnt til kanslar i 1314, vart det avgjort at prostene ved Maria-

126. H 9 (14), i *Hirdskråen*, s. 80–81.

127. A. Bøe 1962.

128. H 12 (17), i *Hirdskråen*, s. 84–85.

129. A. Bøe 1965b, sp. 498.

130. H 14 (19), i *Hirdskråen*, s. 88–89.

131. A. Bøe 1965b, sp. 499.

132. Kleivane 1981, s. 177–180.

133. *LA*, s. 259 og fleire stader. Jf. L. Hamre 1961c; A. Bøe 1965b, sp. 503; Imsen 2000, s. 207–210.

134. K. Helle 1995, s. 190; *NGL* III, nr. 25, s. 74–81.

135. H 16 (21), i *Hirdskråen*, s. 92–95; Agerholt 1963, sp. 236.

kyrkja i Oslo for all framtid skulle ha denne stillinga.¹³⁷ Med einiskilde unnatak heldt dette seg i praksis ut mellomalderen, sjølv om kanslarstillinga endra karakter ettersom kongane i størstedelen av seinmellomalderen i all hovudsak residerte utanfor landet.¹³⁸

Stallaren rangerte nest etter lendmennene og kanslaren, men hadde same rett som desse. Det ser ut til at det stundom har vore både to og tre stallarar samstundes. Pliktene til stallaren var å gå med kongens bod i kongens teneste, og å tala om det kongen bad han om. Han skulle også følgja kongen på ferdene hans og ta ut tiltale i dei sakene som kongen påbaud han. Likeeins skulle han vera hirda sin talsmann framfor kongen, og skulle stå for hesteskyssen når kongen drog rundt i landet. Etter 1300 er ikkje stallaren nemnt i kjeldene lenger, og det ser ut til at merkesmannen har teke over oppgåvene til stallaren i hirdstyringa.¹³⁹

Merkesmannen sin opphavlege funksjon var å bera merket for kongen i strid.¹⁴⁰ I eit vitnebrev om grenselinja mellom Noreg og Sverige i Herjedalen frå tida mellom 1267 og 1282, er det jamvel omtalt ein merkesmann hjå Halvdan Svarte som skal ha vore den første til å busetja seg i Herjedalen,¹⁴¹ og merkesmenn førekjem i kongesogene frå Harald Hårfagre og frametter. Merkesmannen stod i rang nest etter stallaren i hirda, og hadde til liks med stallaren lendmannsrett. Han skulle vera meklingsmann i tvistar innan hirda, hadde oppgåver som kongens sakfører, skulle overvåka rettspleia, og skulle ellers vera til den største hjelp for kongen. Merkesmannembetet ser ut til å ha forsvunne etter at Pål Eiriksson døydde kring 1345, og sjølv er han ikkje omtalt etter 1332 med merkesmannstittelen.¹⁴²

Skutilsveinane (frå 1277 riddarar¹⁴³) var nest merkesmannen i rang, og saman med lendmennene, stallaren og merkesmannen var desse med rette kalla hirdstyrarar.¹⁴⁴ Opphavleg tyder ordet ein oppvartar eller ein bordsvein, og truleg har skutilsveinane opphavleg hatt funksjonen med å gjera teneste ved kongens bord. Seinare har nok denne tenesta vorte av meir seremoniell karakter,

136. Agerholt 1963, sp. 236; Bagge 1976, s. 66–67.

137. *NgL* IV, s. 369–370; *DN* I, nr. 143; *RN* III, nr. 905. Jf. Agerholt 1963.

138. Agerholt 1963, sp. 237–238.

139. H 17 (22), i *Hirdskeråen*, s. 98–99; L. Hamre 1972.

140. Fladby 1966, sp. 555.

141. *NgL* II, s. 489: «Sua bar Þodr i Trosavik vitni ok .xij. ellimenn med honum at Noregs menn bygdu fyrstunni Heriardal med þeim atburd at madr het Heriulfuer hornbriotr. hann var merkismadr Halfdanar konongs suarta». Brevet og riksgrenseproblematikken er sist handsama av Olof Holm i ein stor artikkel i *Collegium Mediaevale* (Holm 2003).

142. H 18 (23), i *Hirdskeråen*, s. 100–101; Fladby 1966; Opsahl 2003c.

143. *LA*, s. 259 og fleire stader. Jf. L. Hamre 1971b.

144. H 19 (24), i *Hirdskeråen*, s. 100–101.

og skutilsveinane fekk ei rekkje andre plikter.¹⁴⁵ Etter den eldre Gulatingslova hadde skutilsveinane hauldsrett,¹⁴⁶ noko som også er med på å understreka at ein må rekna haulden til aristokratiet (sjå s. 42).¹⁴⁷ Hirdskråa har detaljerte føresegner om utnemning, rangering og plikter for skutilsveinane, og ved sidan av bordtenesta hadde dei til dømes ansvar for vakttenesta hjå kongen.¹⁴⁸ Eg kjem attende til utviklinga i seinmellomalderen nedanfor, ettersom eg ser det som fornuftig å handsama riddarar og væpnarar under eitt.

Munnskjenk og drottsete var nemningane på det lågaste sjiktet av hirdstyrarar. Dei skulle etter Hirdskråa veljast mellom skutilsveinane, men dersom kongen meinte at nokon av lågare rang høvde betre til desse embeta, skulle han først gjera dei til hirdmenn og skutilsveinar før han sette dei til å vera munnskjenk eller drottsete.¹⁴⁹ Munnskjenken trer lite fram i kjeldene frå norsk mellomalder, og Grethe Authén Blom reknar med at ein Eiliv Skjenkar som er død før 1364, kan ha vore den siste norske innehavaren av embetet.¹⁵⁰ Drottsete var opphavleg eit embete med ansvar for bordhaldet til kongen, men i førstninga av 1300-åra gjekk det over til å verta ei nemning for riksforsandar eller den leiande rikshøvedsmannen i landet, som trådde i kongens stad ved fråvære eller umyndigskap.¹⁵¹ Då Erling Vidkunsson vart drottsete (riksforsandar) i 1323 reknar mange med at det var etter svensk mønster.¹⁵² Steinar Imsen meiner at dette godt kan vera rett, men minner samstundes om at det i 1323 ikkje lenger fantest nokon som rangerte over riddarane (skutilsveinane) i hirda.¹⁵³ Ut gjennom 1300- og 1400-åra var det fleire drottsetar i Noreg.¹⁵⁴ Den siste som fungerte i denne eigenskapen var Jon Svalesson Smør, som var riksforsandar og drottsete mellom 1481 og 1483.¹⁵⁵

Mellom dei vanlege hirdmennene vert det skilt mellom dei som er i aktiv hirdteneste og dei som ikkje er det. Dei første vert kalla bordfaste hirdmenn, og fungerer som kongens livvakt og gjer teneste i kongsgarden, et ved kongens bord, og får løn. Dei som ikkje er i aktiv hirdteneste vert gjerne kalla ikkje bordfaste hirdmenn, der nokre kan ha fått orlov av kongen, andre har berre gått kongen

145. L. Hamre 1971b, sp. 35.

146. G 200, jf. *Den eldre Gulatingslova*, s. 125, og *Gulatingslovi*, s. 198. Det same hadde skutilsveinane etter Frostatingslova også (F IV 60, sjå *Frostatingslova*, s. 78–79). Jf. L. Hamre 1971b.

147. Jf. Ugulen 2003.

148. H 19 (24) og 20 (25), i *Hirdskråen*, s. 100–107; L. Hamre 1971b.

149. H 21 (26), i *Hirdskråen*, s. 106–107.

150. G. A. Blom 1967b.

151. A. Johnsen og J. Rosén 1958, sp. 338–339.

152. A. Johnsen og J. Rosén 1958, sp. 343; jf. t. d. K. Helle 1995, s. 222; Moseng et al. 1999, s. 159.

153. *Hirdskråen*, s. 107, note 41.

154. A. Johnsen og J. Rosén 1958, sp. 344–347.

155. Opsahl 2002b.

til hande og står i hans vern utan å ha gjort aktiv teneste. Desse får heller ikkje løn.¹⁵⁶ Etter Kongsspegelen vert alle som har gått kongen til hande kalla huskarar, men det vert understreka at det sidan vert skifta rang og makt mellom dei. «No er det somme huskarar som støtt er innan hirda hjå kongen og likevel ikkje har løn, og dei skal ikkje ete og drikke der som kongshirda får seg mat. Dei skal gjere alt det i kongsgarden som råds mannen krev av dei, anten det er å gjere ferder eller det er eitkvart arbeid i kongsgarden».¹⁵⁷ Desse huskarane vert ikkje rekna som ein del av hirda i Hirdskråa.¹⁵⁸ Då væpnarrangen kom i bruk vart denne truleg applisert på dei medlemmane i hirda som stod under skutilsveinane i rang.¹⁵⁹ Likevel møter ein hirdmannstermen frå tid til annan ut etter seinmellomalderen, og dei siste i fastlands-Noreg som kallar seg kongens hirdmenn er ein mann i Sogn i 1452 og ein på Voss i 1472.¹⁶⁰ Den siste kjende hirdmann i Noreg er Bue Petersson som i 1479 kallar seg kongens hirdmann ved ei brevutfierding på Færøyane.¹⁶¹

Gjestane utgjorde ei særskilt avdeling huskarar i hirda, og fekk namnet sitt av di dei hadde mange stader å gjesta der dei ikkje fekk takk for det.¹⁶² Hirdskråa har detaljerte opplysningar om pliktene og rettane deira,¹⁶³ og dei fungerte nærast som eit slags politikorps for kongen. På bygdene skulle dei også hjelpe lendmenn og systemenn i alle saker som vedkom kongen.¹⁶⁴ Som tilnamn møter ein også termen gjest ut etter 1300-talet,¹⁶⁵ men om dette dreier seg om medlemmar av kongens gjestekorps er meir uvisst.

Kjertesveinane var nemninga for dei kongelege pasjane, og det var skikk at kongen tok seg kjertesveinar av gode ætter. Dei var kongens handgangne menn sjølv om dei ikkje var sverdtakarar. Dei skulle halda handkle og vaskefat for kongen, men hovudoppgåva deira, slik namnet indikerer, var å halda ljøs for kongen og stormennene ved festar ved hoffet.¹⁶⁶ Ein Tomas kjertesvein er nemnt i 1322.¹⁶⁷ Også biskopane har tilsynelatande hatt kjertesveinar, ettersom ein Kolbein Hallsteinsson i 1317 får plass ved kjertesveinanes bord i bispegarden i Stavanger,¹⁶⁸ og i 1342 lovar

156. L. Hamre 1961c, sp. 573–573.

157. *Kongsspegelen*, s. 85; *Konungs skuggsiá*, s. 39, l. 34–39.

158. L. Hamre 1961c, sp. 573.

159. J. Rosén 1969, sp. 169.

160. DN IV, nr. 928 (1452); DN VIII, nr. 395 (1472).

161. DN II, nr. 909; DF B III, nr. 3, s. 52.

162. H 38 (43), i *Hirdskråen*, s. 156–157.

163. *Hirdskråen*, s. 154–165.

164. D. A. Seip 1960.

165. Kjellberg 1974, sp. 399. Sjø E. H. Lind 1920–1921, sp. 108, for ei fylldig liste over bruken av gjest som tilnamn.

166. H 45 (47), i *Hirdskråen*, s. 166–167; L. Hamre 1961c, sp. 574.

167. DN IV, nr. 157.

168. DN IV, nr. 119.

domkapitlet same stad opphald til ein Orm bonde. Dette opphaldet skulle vera like godt som det som vert gjeve ved kjertesveinanes bord i bispegarden.¹⁶⁹

Riddar vart som alt nemnt nemninga på skutilsveinane frå 1277, og truleg vart væpnartittelen alt då applisert på dei medlemmane av hirda som stod under skutilsveinane i rang.¹⁷⁰ I norske dokument er termen riddar relativt sjeldan før slutten av 1300-talet, men dei kan likevel kjennast ved at dei som regel er nemnt med herretittelen, med unntak for når dei sjølv utferdar dokumenta.¹⁷¹ I dokument på latin førekjem termen *armiger* (væpnar) frå like før 1300, og er då nytta om menn som tidlegare må ha hatt hirdmannsrang.¹⁷² I eit dokument frå 1308 møter ein termen *suainar a vapn* som kategorinemning,¹⁷³ medan tilnamnsformene *a vapn* og/eller *væpnare* først dukkar opp i kjeldene kring 1400. Halvor Kjellberg peikar også på at mot slutten av mellomalderen vart tilnamnet/titulaturen *a vapn* også nytta om menn av riddarrang og av kvinner, noko som tyder på ei forestilling om eit aristokrati definert ved byrd og fødsel.¹⁷⁴ Magnus Lagabøtes påbod i 1277 om titulaturendringar var ei rein tittelendring for eit alt eksisterande sosialt sjikt, og vi veit inkje om at denne endringa førte til seremonielle endringar frå Hirdskråas skildringar av lendmanns- eller skutilsveinsopptak til å få karakter av riddarslag eller riddardubbing. Den første gongen vi høyrer om at personar vart slegne til riddarar i Noreg, er i 1316 då ei islandsk annalinnførsle nemner at 24 eller 25 mann vart utmerka på denne måten.¹⁷⁵ At riddarslag i det minste var sjeldsynt i Noreg før 1277, vitnar vel også følgjande passus om kroninga av Magnus Hákonsson i Bergen om:

Missell riddari, sá er konungr af Skotlandi hafði sent til Hákonar konungs, stóð uppi á kórnum, ok undraði mjök atferli vígslunnar; þvíat þat er ekki siðr í Skotlandi at kóróna konungana. Hónum fanzt svá mikít um vígsluna, at hann klökk, áðr en þeir sögðu hónum er hjá stóðu. Ok þá er Magnús konungr var klæddr, ok Hákon konungr ok Einarr erkibiskup, ok aðrir þrír biskupar, lögðu um hann vígslu-sverðit, þá tók riddarinn sá inn Skotzki til orða: «Þat var mér sagt, at hér væri ekki riddarar dubbaðir í þessu landi; en ek sá öngvan riddara jafn-títuliga dubbaðan, þar sem fimm inir ágætuztu höfðingjar í þessu landi leggja um hann vígslu-sverðit.»¹⁷⁶

169. DN IV, nr. 263.

170. J. Rosén 1969; Kjellberg 1974.

171. L. Hamre 1961a; Kjellberg 1974, sp. 399.

172. DN XIX, nr. 393; DN IX, nr. 82; jf. Kjellberg 1974, sp. 399.

173. DN XI, nr. 6.

174. Kjellberg 1974, sp. 399. Nils Henriksson [Gyldenløve] på Austrått er i eit brev frå 1523 omtalt som «Niels Hendrissenn aff vobnn hoffmester i Norige» i starten av brevet, men lenger nede som «hederlig oc welbyrdiger mandt oc strenge riddher her Niels Hendricsøns» (DN V, nr. 1039). Nils Henriksson fekk truleg riddarslaget alt ved kong Hans si kroning i Trondheim 1483 (Opsahl 2003a, s. 514). Ved ei brevutferding i 1532 omtalar brevutferdaren seg som «Magdalena Oluffsdotter af wabenn» (DN I, nr. 1081).

175. J. Rosén 1969, sp. 169. LA, s. 344 og 393.

176. *HHVigf*, kap. 310, s. 319; jf. *HHS*, s. 288–289.

Karl-Erik Löfqvist reknar opp 11 moglege riddardubbingar i Noreg på 1300-talet.¹⁷⁷ Kor mange riddarar og væpnarar det fantest i Noreg er uvisst, men ein indikasjon får ein i fredstraktaten mellom Danmark og Noreg i 1309. Den vart medsegla av i alt 29 riddarar og væpnarar, og det vert sagt at i tillegg skal 270 riddarar og væpnarar garantera traktaten i eit eige brev.¹⁷⁸ Talet 300 riddarar og væpnarar er eit rimeleg overslag over det totale antalet tenestegjerande menn i Noreg kring 1300.¹⁷⁹ Men som Geirr Leistad har peika på er det viktig her å skilja mellom talet på tenestegjerande og tenestedyktige menn. Leistad har freista å kvantifisera talet på adelsmenn i Noreg i mellomalderen, og kjem fram til at talet på riddarar i Noreg nådde eit maksimum kring 1320 på mellom 75 og 100 personar, og at dette utgjorde kring 10 % av tenestedyktige adelsmenn. Dette gjev ein prosentsats som samsvarar godt med den som er kjend frå andre europeiske land. Det er lite rimeleg at riddarane i Noreg skulle utgjera 25–30 % av dei tenestedyktige adelsmennene, og snarare er dei 300 frå 1309 talet på tenestegjerande adelsmenn, bordfaste hirdmenn og menn i kongelege ombod og embete.¹⁸⁰ Vidare reknar Leistad med at det fantest kring 500 «adelsfamiliar» i Noreg kring 1300, og kring 200 familiar i 1450. Familieomgrepet er snevrare enn slekt, og han reknar 1,5 tenestedyktig mann per familie og 10 medlemmar i kvar familie. Det impliserer kring 750 tenestedyktige menn kring 1300–1350, og kring 300 tenestedyktige menn kring 1450. Kring 1500 reknar Leistad med eit minimumstal på 100–110 tenestedyktige menn i Noreg, noko som samsvarar relativt sett bra med tilsvarende tal for Sverige og Danmark, der talet på adelslekter går sterkt tilbake etter 1450. Reduksjonen mellom 1430 og 1530 synest å vera opp mot 70 % i Sverige.¹⁸¹

Tabell 3-2. Estimerte minimumstal for medlemmane av aristokratiet i norsk mellomalder (frå Leistad 1985b, s. 36).

År	Tenestedyktige menn	Menn	Kvinner	Total	Prosent av folketal ^a
1300–1350	750	2400	2520	4920	1,0 %
1450	300	950	1000	1950	1,0 %
1500	110	350	370	720	0,36 %

a. Folketalet i 1350 er sett til 500.000, for 1450 og 1500 til 200.000

Kva så med dei forskjellige offentlege embeta og omboda i mellomalderens Noreg? Kan ein nytta embets- eller ombodsinnehav som indikasjon på at einkvan tilhørte aristokratiet, eller hadde ikkje

177. Löfqvist 1935, s. 276.

178. DN IX, nr. 82; RN III, nr. 595.

179. Leistad 1985b, s. 36–37; jf. K. Helle 1995, s. 189–190.

180. Leistad 1985b, s. 36–37.

181. Leistad 1985b, s. 36. Leistad meiner likevel at talet for 1500 må vera mykje for lågt, og at dette kan korrigerast ved genealogiske undersøkingar.

aristokratiet eineretten til desse? Sysleinndelinga var den viktigaste administrative inndelinga i Noreg i mellomalderen, og landet var inndelt i kring 50 sysler.¹⁸² Mitt undersøkingssområde med det noverande Hordaland og Sogn og Fjordane, var inndelt i sju eller åtte sysler: Sunnhordland, Hardanger, Nordhordland, Voss, Sogn (stundom delt i Indre og Ytre Sogn), Sunnfjord og Nordfjord (sjå kart på s. 96–97, der inndelinga i futedømer svarar omlag til den gamle sysleinndelinga).¹⁸³

I spissen for sysleadministrasjonen stod systemannen, eit ombod som ein vanlegvis reknar var ein fullt utbygd institusjon i siste halvta av 1100-talet. Hovudfunksjonane til systemannen var administrasjon av det lokale rettsstellet, innkrevjing av skattar, landskyld og bøter, samt at han stod i spissen for militærforvaltninga i sysla.¹⁸⁴ Sysselemannsombodet har også stått sentralt i diskusjonen kring føydalismen i Noreg.¹⁸⁵ Vasallitet var det sentrale i samhovet mellom kongen og mennene hans gjennom heile høg mellomalderen, og den plikta som kongen hadde til å skaffa underhald til mennene sine var viktig. Denne plikta vart ofte oppfylt ved at kongen tildelte mennene sine kongelegge ombod av ymse slag, som til dømes systemmannsombodet. Alle hirdmennene til kongen hadde ikkje ombod, men ein måtte vera hirdmann for i det heile å kunna få eit viktig ombod som til dømes systemann, fehirde eller høvedsmann. Nettopp denne koplinga mellom teneste/vasallitet og tildeling av ombod, ligg nær opp til utviklinga i Europa, der tildeling av len (i praksis forlening av jord og andre inntekter) til vasallen var den vanlegaste måten for ein herre å oppfylla underhaldsplikta si på. Det norske systemet med at ein måtte vera handgangen mann for å verta tildelt sysler og andre ombod, er eit føydalt trekk. Likevel vart ikkje Noreg «gjennomføydalisert» på den måten at lensinnehavarane til dømes fekk jurisdiksjonsrett.¹⁸⁶ På den andre sida er det tendensar til at syslene/lena kunne verta arvelege. Ein skipan frå 1308 understrekar at dersom systemennene har oppført seg bra, skal dei ha syslene så lenge dei lever, og dersom sønene deira er skikka til det, skal dei vera nærast til å overta etter dei.

En til þess at syslumenn vaair sé þeim mun geymnare betri ok rettlatare við almgann huerri j sinni syslu skal senda tua skilrika menn af garðinum j huern þriðing landzins ef wer komum æigi sialfir. þa skulu þeir tueir er til eru skipaðir at skoða rannsaka vm sinn aa huerium tolf mánuðum með skynsemd ok athuga hueria framferð er þeir hafa við vára þegna. ok ef þeir finnaz logliga ok linliga fram hafa farit við almugan. þa skulu þeir hallda syslum sinum meðan þeir lifa.

182. Jf. t. d. P. S. Andersen 1972a, sp. 646; Sagosen 1973, s. 122; K. Helle 1974, s. 206–209; Moseng et al. 1999, s. 190.

183. P. S. Andersen 1972a, sp. 647.

184. P. S. Andersen 1972b, sp. 651–652; K. Helle 1974, s. 206.

185. P. S. Andersen 1972b, sp. 654.

186. Moseng et al. 1999, s. 189–190. Dei skriv også at den private eigeomsretten ikkje vart fortrengt av nokon «føydal eigeomsrett». Dette vart kritisert av T. Iversen 1999, s. 43, som peikar på at mønsteret for norsk jordeige og jorðleige på 1200-talet var nettopp omgrepsparet «dominium directum/utile» som elles i Europa.

nærmeirr skulu ok þeirra synir wera sva framt sem þeir briota æigi wið konungdominn ok vaara þegna.¹⁸⁷

Dette er klårt eit trekk som har parallellar til samtidas Europa. Ut over i seinmellomalderen endra forleningsformene seg, og inntektsforleningar med særskilte privilegier vert vanlege, samstundes som nye lensformer dukkar opp.¹⁸⁸ Dessutan endrar terminologien seg ein del, og termen fut vert ofte nytta synonymt med systemann. Den gamle sysleinndelinga vert utvatna, og mange systemenn var ofte busette utanfor syslene og lot desse styra av lensmenn. For å motverka dette freista kongen å setja inn lojale tenestemenn i hovudsyslene, dei såkalla slottslena. Ut over 1400-talet vart termen systemann i praksis fortrent av termene fut eller høvedsmann, men held seg likevel i rettsterminologien til langt inn på 1500-talet.¹⁸⁹ Seinmellomalderen såg også ei forenkling i forvaltningssystemet, ved at talet på sysler og ombodsmenn vart reduserte, og det er eksempel på at systemanns- og fehirdeoppgåvene vart samanslegne og lagde til høvedsmannsombodet på ein av dei store festningane. Under tida dukkar det også opp hirdstjorar for heile landsdelar, i ei tid då den gamle hirdorganisasjonen var forsvunnen.¹⁹⁰ I løpet av første halvta av 1400-talet var det gamle syslesystemet frå mellomalderen gått over til å bli eit lensvesen. Sjølv om det då framleis var kring 50 len av varierende storleik i Noreg, vart talet på viktige len mindre. Dei fremste av lensherrane var slottshøvedsmennene, og dei fekk i aukande grad ansvaret for oppebørselen frå fleire mindre len, i tillegg til lenet som låg direkte under festninga. I første del av 1500-talet kunne ein i praksis kontrollera heile Noreg ved å kontrollera høvedsmannspostane på festningane Båhus, Akershus og Bergenhus.¹⁹¹

Fehirde var opphavleg ei nemning for ein hirdembetsmann som følgte kongen på reisene hans rundt i landet, og fungerte som skattmeister og rådgjevar. Kring 1300 skiftar fehirdeombodet karakter ved at det først vert fleire faste fehirdar, samt at desse får fast residens og kvart sitt faste skattedistrikt. Oppgåvene deira var å forvalta finansane i sine distrikt, ved at dei kravde inn, tok imot og førte rekneskap over alle kongens inntekter. Systemennene stod gjerne for innkrevjinga i distrikta, men måtte senda pengar og naturalia vidare til fehirdane til visse tider. Ettersom skattkammera var knytte til dei faste slotta i riket, vart det etter kvart naturleg at ein og same person overtok funk-

187. *NgL* III, nr. 25, s. 75; *DN* XI, nr. 6; jf. P. S. Andersen 1972b, sp. 655. Dette forekom også i praksis, i det minste i ein del mindre sysler som til dømes i Skienssysla i første del av 1300-åra og både i Brunla og Hardanger len på 1400-talet (jf. Ugulen 2004a, s. 48).

188. P. S. Andersen 1972b, sp. 656. Sjå J. Rosén 1966 og Steinar Imsen i *NHL*, s. v. «Len», s. 256–261, for dei forskjellige lensformene.

189. P. S. Andersen 1972b, sp. 656.

190. Moseng et al. 1999, s. 321–322.

191. Moseng et al. 1999, s. 358.

sjonane til både fehirde og slottshøvedsmann. I dei fire viktigaste byane i landet (Bergen, Nidaros, Tunsberg og Oslo) overtok dermed fehirden også funksjonane til systemmannen. Ut etter seinmellomalderen forsvinn nemninga fehirde, og vert erstatta med lensherre eller høvedsmann. Dei gamle slottslena held likevel fram med å i praksis fungera på same måte, ettersom høvedsmennene i dei fire byane held fram med å gjera rekneskap for alle inntektene til kongen.¹⁹²

Årmanen var opphavleg truleg ein tenestemann med ufri status. I det minste tyder opplysningane frå tidleg mellomalder på at kongen rekrutterte til årmannsombodet frå dei ufrie tenestelementa i sitt følgje. Etter kvart må det ha foregått ei oppvurdering av den sosiale statusen til årmanen, og i løpet av 1100-talet kunne årmennene rekrutterast frå høgare sosiale sjikt i samfunnet.¹⁹³ Oppgåvene til årmanen var dels av økonomisk-administrativ art, dels av juridisk art, og dels av militær art. I løpet av 1100- og 1200-talet gjekk årmannens plikter over på systemmannen, og ombodet som kongsårman forsvann. Biskopens årman heldt fram med å fungera ei tid, men i løpet av 1200-talet vart virkefeltet hans overteke av proststen. Likevel heldt nemninga seg til ut på 1400-talet i delar av landet.¹⁹⁴ Dessutan har systemmannen også tilsynelatande hatt ein årman, dersom dette då ikkje berre er eit synonym for lensmann. Såleis opptrer ein Sivian, årman for herr Gaute, på tinget på Avaldsnes i 1322.¹⁹⁵ Gaute [truleg Isaksson] var etter alt å døma systemmann i Ryfylke på denne tida.

Lagmannen i mellomalderen må også reknast til aristokratiet. Kva som var lagmannens funksjon og rolle i tidleg mellomalder er uklårt, men har truleg ikkje skilt seg mykje frå det ein veit frå høg mellomalderen. I løpet av 1100-talet reknar ein med at lagmennene vart utnemnte av kongen, og at lagmannsvervet vert eit fast ombod.¹⁹⁶ Lagmannen utvikla seg i løpet av 1200-talet til å verta ein sjølvstendig dommar.¹⁹⁷ Magnus Lagabøtes bylov gav dessutan byane Nidaros og Bergen egne bylagmenn, og innførte egne bylagting for dei fire største byane. Tidleg på 1300-talet kom også nye regionale lagting til, slik at det i alt vart 13 lagting i Noreg. Omlag på same tid vart Gulatinget flytta til Bergen, slik at det sat to lagmenn i Bergen: bylagmannen og gulatingslagmannen.¹⁹⁸ Etter Svarte-

192. G. A. Blom 1959.

193. P. S. Andersen 1976, sp. 446–447; T. Iversen 1997, s. 176–179. Det er parallellar mellom utviklinga av årmannsombodet og dei kontinentale *ministeriales* (jf. B. Arnold 1985, s. 53–75; B. Arnold 1995; T. Iversen 1997, s. 179–180).

194. P. S. Andersen 1976, sp. 447–449.

195. *DNI*, nr. 168; *RNIV*, nr. 169.

196. Tobiassen 1965, sp. 153–154. Jf. J. A. Seip 1934.

197. Tobiassen 1965, sp. 155–156. Jf. J. A. Seip 1934.

198. Moseng et al. 1999, s. 197.

dauden vart det færre lagmenn og lagsokn, og bylagmennene forsvann igjen, slik at det på nytt vart ein lagmann for både byen og landet rundt byen.¹⁹⁹ Tidleg på 1300-talet dømmer som regel lagmannen saman med syslemannen, men etterkvart vart lagmannen fungerande som einedommar. Særskilt er tiåra kring 1400 prega av dette. Dette vart likevel ikkje ei varig ordning, og opp mot 1450 vert i byane ei gruppe rådmenn tekne opp i lagretten som meddommarar. Lagmannen dømmer no sjølv sjette eller sjølv tolvte, saman med rådmennene, og domstolen som tidlegare oftast vart kalla stemne, vert no oftare omtalt som rådstove. Dette kjenneteiknar institusjonen ut mellomalderen og ei stykke inn i tidleg nytid.²⁰⁰

Gjaldkeren var kongens ombodsmann i byane. Oppgåvene hans var primært knytt til det som høyrte inn under rettspleie og rettshandheving, forutan innkrevjing av skattar avgifter som fall til kongen i byane. Dette endra seg noko frå slutten av 1200-talet, då gjaldkeren fekk fleire embetspersonar både over seg og ved sidan av seg. Til dømes overtok lagmannen det som hadde med rettspleie og rettshandheving å gjera, medan han måtte dela fleire av dei andre pliktene sine med rådet. I siste del av 1300-talet går nemninga gjaldker ut av bruk, og vert erstatta med den opphavleg tyske nemninga byfut.²⁰¹

Rådmennene og rådet i byane opptrer første gong i Magnus Lagabøters bylov frå 1276, og er truleg innført etter tysk mønster. Byrådet fungerte som eit styringsorgan saman med syslemann, lagmann og gjaldker. Skiljet mellom desse forskjellige organa/embeta er likevel uklårt.²⁰² Talet på rådmenn vert i bylova fastsett til tolv, men aukar i seinmellomalderen til 24 for dei største byane. Så mange rådmenn opptrer likevel aldri samtidig. Ut over 1400-talet vert rådet konsolidert som institusjon, og i fleire norske byar får ein no ein eller to borgarmeistrar som fungerer som formenn i rådet.²⁰³ I Bergen førekjem det likevel ikkje nokon borgarmeister før Anders Hanssøn vert utnemnt til borgarmeister i 1536. Truleg har dette samanheng med at lagmannen i praksis fungerte som formann i rådet og leia all verksemda i det.²⁰⁴ Grethe Authén Blom hevdar at rådmennene ikkje vart valde frå nokon særskilt klasse, og at både gardeigarar, kjøpmenn og handverkarar er representerte. Ein sjeldan gong førekjem også ein lågadelsmann.²⁰⁵ Dette kan ikkje vera rett for det

199. Moseng et al. 1999, s. 321.

200. Tobiassen 1965, sp. 160–161. Jf. J. A. Seip 1934.

201. G. A. Blom 1960c; Fiskaa 1980; Helle 1982, s. 496–507.

202. G. A. Blom 1972, sp. 10.

203. G. A. Blom 1972, sp. 13.

204. A. B. Fossen 1979, s. 70–71; jf. Helle 1982, s. 854–855.

205. G. A. Blom 1972, sp. 13.

meste av mellomalderen, i det minste ikkje med omsyn til Bergen som er den byen eg kjenner best. Eit fleirtal av dei rådmennene som er nemnte i Grete Solbergs hovudoppgåve²⁰⁶ om rådmennene i Bergen kan anten påvisast eller sannsynleggjerast å ha tilhørt det sjiktet som ofte vert omtalte som lågadel, og som typisk stod med ein fot i byen og ein fot på landsbygda. I *Bergens Fundas* vert det beint fram sagt at «Saa haffuer her och Boidt vdj Byenn nogenn aff Adelenn, Baronner oc Anndre Frij Mendt, Huilcke som oc haffuer werit vdj Byernnis Raadt».²⁰⁷ Dette indikerer at svært mange rådmennene i Bergen tilhørte adelen, noko som også er påvist andre stader.²⁰⁸

Ombodsmann er eigentleg ei nemning for ein person som har fått fullmakt til å gjera visse rettshandlingar på vegne av ein annan person. Ombodsmenn er nemnte fleire stader i både landskapslover, lands- og bylover, og rettarbøter ut gjennom heile mellomalderen. Ombodsmannen skulle ikkje vera av høgare stand enn motparten, med unnatak for sakene til kongen eller erkebiskopen, som i hovudsak kunne førast av deira faste ombodsmenn.²⁰⁹ Offentlege ombodsmenn førekjem i ei rekkje forskjellige kjelder frå mellomalderen. Nemninga kongens ombodsmann vert brukt om ei rekkje tenestemenn, som fehirde, fut, systemann, lensmann, (slotts)høvedsmann og årman. I meir ubestemt tyding vert det også nytta om menn som har makt frå kongen av eitt eller anna slag. Utanom dei faste ombodsmennene kunne kongen også oppnemna ad hoc ombodsmenn for særskilte oppdrag. Ut over kongens ombodsmenn, møter ein i kjeldene frå mellomalderen ombodsmenn for gjaldkerar, systemenn og årmen, og i det kyrkjelege hierarkiet bispe-, kapittel-, kloster- og prosteombodsmenn.²¹⁰ Felles for mange av desse offentlege ombodsmennene er at dei i hovudsak truleg har vorte rekrutterte frå det lokale elitesjiktet i det området dei opptre i.

Lensmannen, ofte kalla bondelensmann sjølv om dette er ein term som ikkje er mykje brukt før i tidleg nytid, er kjend frå slutten av 1200-åra. Det var systemannen som skulle tilsetja lensmann som underordna tenestemann i forvaltninga. Difor vart han ofte kalla systemannens lensmann også, sjølv om kongen freista å halda lensmannen under sin kontroll.²¹¹ Kong Eirik Magnussons store rettarbot frå 1280 slår fast at det ikkje skal vera meir enn to lensmenn i kvart fylke, dersom det då ikkje er meir enn ein systemann. I så tilfelle kunne kvar systemann ha ein lensmann.²¹² Hertug

206. G. Solberg 1975.

207. *Bergens Fundas*, s. 40.

208. Sjø t. d. Fougli 1916; O. Sollied 1926. Jf. Benedictow 1971, s. 39–40.

209. Lunden 1967, sp. 593–594.

210. Lunden 1967, sp. 595–597.

211. Fladby 1965; P. S. Andersen 1972b, sp. 655.

212. *NgL* III, nr. 1, s. 5: «Sua skolu oc eigi uera lenzmenn fleiri systlumanna en .ij. i hueriu fylki nema systlumenn se fleiri. þa ma huer þeirra hafa einn lenzmann».

Håkon Magnusson prøver i si rettarbot for Hedmarken og Toten i 1293 å gjennomføra reglar for rekrutteringa til ombodet, ved å slå fast at lensmannen ikkje skulle veljast mellom kongens handgangne menn men veljast mellom skilrike bønder. Tanken her er nok at systemmennene skulle ha ein medhjelpar som hadde tillit i dei bygdene han skulle arbeida i. Men i realiteten vart nok ofte dei lensmenn som kongen helst ikkje såg at skulle verta det, nemleg dei handgangne mennene.²¹³ Oppgåvene til lensmannen var primært å driva inn offentlege fordringar på vegne av systemmannen, i hovudsak landskyldtingar til krona, andre skattar, og sakefall. Dessutan kunne lensmannen arrestera forbrytarar, og hadde rett til å stemna for lagmannen, samt at han kunne oppnemna lagrettemenn.²¹⁴ Eldre forskning meinte at lensmannsombodet i løpet av seinmellomalderen gjekk over til å verta meir eit tillitsmannsombod for bøndene, og at dei fekk mindre distrikt og vart fleire i talet.²¹⁵ Nyare forskning har derimot vist at «bondelensmannen» heldt fram med å fungera som kongens representant i seinmellomalderen, og lensmannen fekk behalda dei oppgåvene som ikkje gjekk direkte på økonomiske interesser. Særskilt aktiv var han på dei lokale tinga. Først rundt 1600 kan ein rekna med at ombodet hadde endra seg så mykje at termen «bondelensmann» kan seiast å ha slått gjennom.²¹⁶ Ein kan få inntrykk av at det er ein samanheng mellom nemninga kongens hirdmann frå midten av 1400-åra og den seinare termen kongens lensmann.²¹⁷ Jamfør også det som tidlegare er skriva i samband med skattefritak for bondelensmennene i tidleg nytid (sjå s. 49). Slik eg ser det, er det rimeleg å rekna mellomalderens lensmenn til det lågare sjiktet av aristokratiet. Både fritaket frå leidangsskatten så vel som tenesteforholdet til konge og systemmann tilseier at det må vera slik. Så seint som i 1550-åra omtalar til dømes Anders i Undredal seg som kongens lensmann i Aurland.²¹⁸ Parallellen til Arnvid Olavsson på Voss i 1472 og til Englike Jensson i Sogn i 1452, som begge opptrer som lagrettemenn og er omtalte som kongens hirdmenn,²¹⁹ er etter mitt syn påfallande.

213. Fladby 1965, s. 505; Moseng et al. 1999, s. 192. Jf. *NgL* III, nr. 4, s. 21: «Þa skipan hafuum ver ok a gort vm lensmen at þar skulu vera tæknir till skilriker bændær þeir sem er ættæder ok røyndir i byghdarlaghe at godom medfærdum ok laghum ok rettyndi vilia suara uidær almughænn. En handgenghner men varer vilium veer æighi at hafue þæt starfue þeir sem agiarner men ok pretuisir ero at liggjæ vm kotkarlen. þæt sæm annat huart kann litit till lagha elleghær alzs ækki».

214. Fladby 1965, sp. 506.

215. Jf. t. d. Fladby 1965, sp. 506.

216. Moseng et al. 1999, s. 359–360.

217. Arnvid Olavsson er dessutan i 1462 nemnt først mellom lagrettemennene på Voss (*DN* IX, nr. 341), noko også lensmannen gjerne er.

218. *DN* XXI, nr. 1049.

219. *DN* IV, nr. 928 (1452); *DN* VIII, nr. 395 (1472).

Lagrettemenn var opphavleg nemninga for domsmennene på lagtinget.²²⁰ Etter 1350 vart lagrettemannen den sentrale figuren i bygdelivet, og nemninga vart nytta om menn som hadde verv som lokale teneste- og tillitsmenn, og ikkje lenger berre var regionale lagtingsrepresentantar. Nemninga lagrettemann vart ein sosial prestisjetittel knytt til dei lokale leiande mennene, og gjennombrøtet for dette kom truleg først på 1400-talet.²²¹ Det sosiale sjiktet som lagrettemennene i seinmellomalderen vart rekrutterte frå, er den vanskeleg avgrensbare gråsona som femner alt frå lågadel til storbønder. Mange av lagrettemennene kan påvisast å ha tilhøyrt ætter som må definerast som adelege.²²² Halvard Bjørkvik understrekar då også at lagrettemennene på mange måtar var arvtakarane etter dei ikkje-bordfaste hirdmennene.²²³

Til slutt er det på sin plass å seia noko om dei eigentlege titlane eller snarare tiltale- og omtaleformene frå mellomalderen, ettersom desse ofte er viktige for å kunna seia noko om sosial status. Ei følgje av at baronar og riddarar fekk herretittel i 1277, var at konene og enkjene deira samstundes vart titulerte som fruer. Dei ugifte døtrene vart titulerte som jomfruer. I løpet av 1300-talet kom hustrutittelen til å verta brukt om konene til væpnarar. Felles for alle desse titlane var at dei vart sette umiddelbart framfor namnet. I andre posisjonar kunne ordet husfrue/hustru nyttast uavhengig av rang, då ofte etterstilt namnet. Frå midten av 1300-åra vart også ofte personar med riddar- eller væpnarrang omtalte med adjektiva ærleg, heiderleg og velboren, seinare også velbyrdig. Velboren og velbyrdig er reine adelspredikat og var meir eksklusive enn dei to første, som også vart nytta om geistlege og undertida også om andre. Seinare dukkar også adjektivet beskjedeleg opp. Dette er vanskelegare å nytta til sosial identifikasjon, ettersom det like gjerne kunne nyttast om væpnarar som om bønder og borgarar.²²⁴ Frå tid til annan vert også tittelen junker nytta om adelege menn, ofte, men ikkje alltid, ugifte.²²⁵

Ein kompliserande faktor med omsyn til rang og titulaturar, er at det ser ut til å vera ein tendens at tittel- og rangnemningar berre vert nytta dersom vedkommande rang- eller tittelinnehavar opp-

220. A. Bøe 1965a, sp. 179–180; Moseng et al 1999, s. 360.

221. Moseng et al. 1999, s. 360.

222. Jf. Imsen 1990, s. 147. Diverre har ikkje Imsen gjort noko systematisk gransking av den sosiale bakgrunnen til lagrettemennene, ettersom han finn det så sjølvinnlysande at «lagrettemennene er blitt rekruttert fra bondesamfunnets øverste lag (...) at jeg ikke har funnet det bryet verdt å gjennomføre noen systematisk analyse med sikte på å kartlegge deres sosiale bakgrunn». Det første av eksempla som Imsen deretter dreg fram (eksempelet har spreidd seg til Bjørkvik 1996, s. 113), er lågadelmannen Steinar Øysteinsson (Bratt) som opptrer som lagrettemann i Vågå i Gudbrandsdalen i 1429. At Steinar Øysteinsson var adeleg er til dømes vist i Opsahl 1999, s. 265, og i Vigerust 1999c, s. 47.

223. Bjørkvik 1996, s. 113.

224. Kjellberg 1974, sp. 399–400. Jf. E. F. Halvorsen 1958b; Imsen 1990, s. 130, note 8.

225. L. Hamre 1963a.

trer i offentlig ombod,²²⁶ eller i brev skrivne av andre enn dei sjølve. Dette medfører at folk som er nemnte utan tittel og rang i ei kjelde, godt kan vera nemnte med det i ei anna kjelde, dersom dei då er nemnte med tittel eller rang i det heile. Eg kjem inn på dette igjen på s. 531.

Det geistlege aristokratiet har eg ikkje handsama her, og det er liten grunn til å gå i detalj med omsyn til det. Erkebiskopar, biskopar, abbedar og abbedisser, priorar og priorinner, prostar, kapellmagistrar og kannikar, vart truleg alle rekrutterte frå dei same gode ættene som utgjorde det verdslige aristokratiet. Ein viktig skilnad mellom Noreg og dei andre nordiske landa er likevel at det ser ut til å mangla eksempel på systematisk rekruttering til bispestolane frå høgadelege slekter i Noreg, i motsetnad til kva som var tilfellet i Sverige og Danmark. I seinmellomalderen vert det klart at kyrkja ofte er den beste karrierevegen for personar som tilhøyrrer lågadelen. Dette er godt eksemplifisert ved at mange erkebiskopar og biskopar tilhøyrrte slike slekter.²²⁷ Når ei lågadelsslekt fekk hand om ein bispestol, medførte dette sjølvsagt høve til karrierestigning også for bispens slektingar i form av godsadministrasjon og andre måtar å spe på familiens inntekt.²²⁸ Det er nok vel så sant for Noreg som for Danmark, når Troels Dahlerup peikar på at det adelshistorisk nye ved reformasjonen er, at:

hvor fattigadelen før havde haft muligheder især hos bisperne, får man efter 1536 et monolitisk system med kongen som eneste patron, og selv om vi en tid aner rester af slægtsgrupper og "klientelisme", er den gamle "bastardfeudalisme" ganske borte, alt i alt vel til fordel for den "almindelige adel".²²⁹

Kva sosiale sjikt sokneprestane vart rekrutterte frå er meir uvisst, men ein kan nok rekna med eit visst innslag av lågadel her også, i det minste i seinmellomalderen og i dei rikaste prestegjelda.²³⁰ Om dei to hirdprestane som kongen skal ha i garden sin, vert det sagt at dei helst skal veljast mellom kongsmennene,²³¹ noko som indikerer tilhøyrsløse til aristokratiet for dei også.

226. Opplysning frå Geirr I. Leistad.

227. Jf. også Benedictow 1971, s. 39.

228. Benedictow 1971, s. 39, hevdar «at kombinasjonen lavere adel/biskop i Norge øyensynlig ikke har latt seg utnytte økonomisk og sosialt på en slik måte at biskopens slekt har kunnet rykke oppover på statusstigen». Kva han eigentleg meiner med dette er litt uklårt, men helst må han vel meina at lågadelsslektene heldt fram med å vera lågadelsslekter trass i at dei fekk biskopar i familien. Den *økonomiske* statusen må ein jo rekna med har vorte høgare.

229. Dahlerup 2001, s. 21.

230. Sjø t. d. Fosmo 1987 om Toten prestegjeld, og L. I. Hansen 2003 om Trondenes kannikgjeld.

231. H 16 (21), i *Hirdskeråen*, s. 96–97. Imsen har omsett «tæknir vera af konongs monnom» med «velges av kongsmennene», men eg har meir tru på at det her er meint «veljast mellom kongsmennene». Jf. også *Hirdskeråen*, s. 97, note 27.

3.3.3 Adel i norsk historieskriving

Eit stort antal norske historikarar har handsama aristokratiet og denne gruppa sine relasjonar til andre samfunnsgrupper i mellomalderen. Terminologien har variert, men i hovudsak er det nemningane aristokrati og adel som har vorte nytta om denne samfunnsgruppa. Interessant, og kan henda overraskande, er det at få av dei har diskutert bruken av omgrepet inngåande. Rett nok gjev til dømes Knut Helle eit stort bidrag til terminologien kring dei gode menn,²³² men han gjer ikkje nokon freistnad på å femna aristokratiet som heilskap, berre dei som deltok på topplan i riksstyringa – den politiske eliten. Dessutan skil han mellom det verdslege aristokratiet på den eine sida, og det han kallar eit «forretningsdyktig tjenesteelement» på den andre. Eit slikt skilje er kunstig, ettersom langt dei fleste i Helles forretningsdyktige tenesteelement tilhøyrrer nettopp det verdslege aristokratiet. Den manglande omgrepdiskusjonen i norsk historiografi gjer det freistande å minna om Max Webers utsegn:

Hundreds of words in the historian's vocabulary are ambiguous constructs created to meet the unconsciously felt need for adequate expression and the meaning of which is only concretely felt but not clearly thought out. In a great many cases, particularly in the field of descriptive political history, their ambiguity has not been prejudicial to the clarity of the presentation.²³³

Dette er så absolutt tilfellet med omsyn til termene aristokrati og adel. I norsk historiografi har termen adel vore brukt ekstensivt og nokså ukritisk som ei nemning for det øverste samfunnslaget. Den eksakte meininga til omgrepet adel har sjeldan vore diskutert i djupna. Ein av få som har diskutert det for mellomalderens del, er Ole Jørgen Benedictow. Han er likevel representativ med omsyn til den manglande problematiseringa. Steinar Imsen har diskutert hirta i ein artikkel,²³⁴ men problematiserer ikkje adelsomgrepet ut over å seia seg samd med Benedictow i at bruken av det er anakronistisk, at ein adelsstand ikkje forekom i Noreg før i siste del av 1500-talet.²³⁵ Eit anna unntak er Tor Weidling, men hans studiar kring termene adel og aristokrati er sentrert kring og etter reformasjonstida.²³⁶ Gode problematiseringar av adelen, aristokratiet og omgrepa finn ein også i boka til Ole Georg Moseng, Erik Opsahl, Gunnar Pettersen og Erling Sandmo.²³⁷ Eg vil koma attende til desse arbeida nedanfor.

232. K. Helle 1972, s. 17–102.

233. Weber 1949, s. 92–93.

234. Imsen 2000.

235. Imsen 2000, s. 206.

236. Weidling 1998b.

237. Moseng et al 1999.

Ole Jørgen Benedictow la fram eit innlegg på eit møte mellom nordiske historikarar i København i august 1971, der han argumenterer for at sjølv om det kan seiast å vera anakronistisk å karakterisera ei samfunnsgruppe i mellomalderen med ein term som først kjem i bruk etter 1500, er dette *uvesentleg frå ein samfunnsvitskapleg ståstad* (mi utheving). Han meinte det avgjerande var om det gjennom heile seinmellomalderen eksisterte ei nokonlunde klårt avgrensa samfunnsgruppe kjenneteikna av dei same fundamentale økonomiske, sosiale og funksjonelle kriterier.²³⁸ Etter mitt syn er det fleire problem med Benedictows argument.

Benedictow har rett i at bruken av termen adel som konnotasjon for den norske eliten eller aristokratiet i mellomalderen, er anakronistisk. Det har bruken av termen forsåvidt vore sidan 1560-åra. Men etter mi meining er det svært langt frå å vera uvesentleg frå ein samfunnsvitskapleg ståstad. Kor vidt det er mogleg å avgrensa denne samfunnsgruppa ved hjelp av dei same kriteria er også eit ope spørsmål. Dette har ikkje vore freista gjort i norsk historieskriving på anna enn dei politiske kriteria, i det minste ikkje ut frå eit samfunnsvitskapleg perspektiv, og heller ikkje med basis i eit stort nok sett av empiriske data. Den meir eller mindre einaste måten å gjera dette på ein fullt ut forsvarleg måte med bakgrunn i økonomiske og sosiale kriterier, vil først vera å utføra ein fullstendig prosopografi over alle kjende nordmenn i mellomalderen, og deretter utføra ei nettverksanalyse av den innsamla informasjonen. Berre då kan vi ha von om å få eit verkeleg *godt* oversyn over denne samfunnsgruppa som heilskap. Inntil det er gjort er det berre det øvste laget av denne gruppa ein kan få eit relativt godt oversyn over, nemleg dei som skil seg ut anten ved titulering eller ved embete. Det lågare laget av aristokratiet er eit heilt anna spørsmål. Noko som heller ikkje er uvesentleg frå ein samfunnsvitskapleg ståstad, er Benedictows implisitte samanblanding av dei samfunnsvitskaplege omgrepa stand og klasse. Adel og aristokrati er *ikke* det same. Skilnaden er kan henda liten, eller «finicky business» som David Crouch har formulert det,²³⁹ men det *er* ein skilnad og skilnaden er viktig, slik også Timothy Reuter har peika på.²⁴⁰ Ein adelsmann er ein person med ein status som er juridisk definert, noko som til dømes tyder at ein kan vera adeleg utan å ha politisk makt. Ein aristokrat er derimot, held Reuter fram, ein som utøvar makt i eigenskap av å vera av god byrd i ein sosial og ikkje ein juridisk kontekst, noko som impliserer arv av rikdom, makt og sosial status. I praksis har desse to termane vorte nytta heilt ukritisk om einannan, ikkje berre i norsk, men også i europeisk historiografi.²⁴¹ Som gruppe er aristokratiet jamt over større enn adelen, og aristokratiets

238. Benedictow 1971, s. 9.

239. Crouch 2005, s. 2.

240. Reuter 1997, s. 178–179; Crouch 2005, s. 2–3. Jf. også Powis 1984, s. 3.

kjenneteikn er ofte klårare for ein historikar enn for samtida. På same måte som David Crouch omtalar ei av sine bøker som ei bok om korleis aristokratiet vart strukturert til ein adel i europeisk mellomalder,²⁴² kan ein seia at norsk mellomalder er den perioden der aristokratiet utviklar seg i retning av ein adel – ein adel som først i 1548 dukkar opp som ein sjølvmedviten og sjølvavgrensande realitet i form av noko som tenderer til å vera ein stand, altså etter reformasjonen og det norske riksrådets fall.²⁴³

Benedictow vedgår også at det vil knyta seg uvisse til bruken av termen adel i norsk historieforskning så lenge det ikkje er gjort systematisk forskingsarbeid på grunnlag av moderne samfunnsvitenskap og kjeldekritikk. Likevel ser det ut til å vera relativt stor semje mellom norske historikarar med omsyn til kva som konstituerer denne samfunnsgruppa, og framfor alt er omgrepet adel knytt til kongstenesta ved at «vasallitet fremheves som nødvendig betingelse for dets anvendelse». Sett på spissen er dette gjerne formulert som at hirda er landets adel.²⁴⁴

Benedictow skriv at på meir enn noko anna punkt skil den norske adelen gjennom seinmellomalderen seg frå tilsvarende samfunnsgrupper i andre land ved «sin mangelfullt utviklede immunitet» eller skattefridom.²⁴⁵ Dette er sant nok. Skattefritaket var forsvinnande lite, med berre skattefritak for leidangsskatt av setegarden. Når Benedictow skriv at ved sidan av adelen «nyter imidlertid også geistligheten og dens skattefrie tjenere immunitet av samme type»,²⁴⁶ vert det derimot problem med Benedictows definisjon av adel, dersom han då ikkje skal reknast til dei som programmatisk hevdar at hirda er landets adel. Medlemskap i hirda kan ikkje vera ein definisjon av adel i seinmellomalderen, ettersom hirda som korporasjon ser ut til å ha gått i oppløysing seinast i 1320-åra. Ein herresvein må også reknast som adeleg, det same må biskopanes setesveinar, for ikkje å snakka om dei geistlege toppfigurane sjølve. Skal ein ha noko von om å definera den norske adelen i seinmellomalderen, må dette gjerast på eit heilt anna grunnlag. Og det vel einaste grunnlaget ein har for å definera adelen i seinmellomalderen, er nettopp skattefritak kombinert med slektskap. Den

241. Powis 1984, s. 3; Reuter 1997, s. 179.

242. Crouch 2005, s. 3.

243. Imsen 1990, s. 125, hevdar at «fremveksten av en virkelig adelsstand i Norge» gjekk føre seg på 1400-talet, dette med bakgrunn i den meir utbreidde og differensierte bruken av adelspredikat i denne tida. Nokon adelsstand meiner eg likevel det er vanskeleg å argumentera for all den tid denne postulerte standen ikkje opptrer som nettopp det. Seinare har Imsen gått bort frå dette standpunktet, og daterer oppkomsten av ein adelsstand i Noreg til 1500-talet (Imsen 2000, s. 206).

244. Benedictow 1971, s. 9–10. Steinar Imsen forfektar liknande synspunkt i innleiinga til hans utgåve av Hirdskråa frå 2000. Han hevdar at kongens væpna huskarar vart «følgelig forvandlet til adel», og at utan kongen «ga verken adelskap eller stat noen mening» (*Hirdskråen*, s. 46).

245. Benedictow 1971, s. 17.

246. Benedictow 1971, s. 17.

norske adelen i seinmellomalderen kan dermed avgrensast til dei som har privilegiet med skattefritak av setegardane sine, og familiare deira. Ein slik definisjon vil femna mange fleire enn Benedictows definisjon av adel. Den vil inkludera riddarar og væpnarar så vel som sveinane deira, samt erkebiskopens og dei andre biskopanes sveinar og deira sveinar igjen, samt rådmennene i byane og lensmennene på bygdene.

Benedictow reiser også spørsmålet om korleis ein skal avgrensa adelen eller aristokratiet nedover. Etter Max Weber kan ein aristokrat definerast som ein mann som har ein økonomisk stilling som fritenk han for å arbeida for sitt utkomme, og gjer han i stand til å leva *for* politiske funksjonar utan å leva *av* dei. I eit agrarsamfunn vil dermed den reindyrka aristokraten leva av leigeinntekter åleine. Dette vert likevel litt snevert, ettersom Webers aristokrat vert meir eller mindre identisk med ein rik mann. Eit tilleggskriterium basert på slektskap kombinert med makt vil vera hensiktsmessig her. Benedictow freistar vidare å konkretisera dei økonomiske føresetnadene ved hjelp av Erik Ulsigs store arbeid om danske adelsgoods i mellomalderen.²⁴⁷ Ulsig set som eit skjønsmessig utgangspunkt at ei eigedomsmasse på 80–100 gardar plasserer innehavaren på grensa til høgadelen, innehav av kring 50 gardar kvalifiserer til god lågadel, medan landsbyvæpnaren i Danmark typisk åtte ti, fem, tre, ned til ein gard eller berre ein gardpart.²⁴⁸ Som Benedictow er inne på, viser den siste kategorien at det ut frå økonomiske kriterier åleine er vanskeleg å trekkja eit skilje mellom marginaladelen²⁴⁹ eller småadelen på den eine sida, og «storbønder» på den andre sida. Dermed må andre kriterier avgjera bruken av termen adel. Adelen har diffuse avgrensingar som er vanskelege å rubrisera til ein kategori. Manglande privatøkonomisk status, eller ein økonomi som ikkje tillét standsmessig livsførsle, reknar Benedictow med at vil førekomma hyppigast, og vil rekna «ustandsmessig næringsvirksomhet (detaljhandel, manuelt arbeide)» i same leia. Det kan også dreia seg om bruk av bumerke i staden for hjelm og skjold, eller manglande immunitet og manglande funksjonell aktivitet (t. d. å ikkje oppfylla vasallplikta ved utkalling). Di fleire manglar, dess usikrare vert rubreringa og di meir aukar tilnærminga til storbondesjiktet eller borgarstanden.²⁵⁰

247. Benedictow 1971, s. 37.

248. Ulsig 1968, s. 292.

249. Omgrepet *marginaladel* vart lansert av Troels Dahlerup, som forøvrig har kritisert det klassiske skiljet mellom høg- og lågadel som eit nærast dialektisk enten-eller, men vedgår at eit kvart forsøk på inndeling har sine problem. Såleis også hans eigne forsøk på ei treledda inndeling i magnatadel, alminneleg adel og marginaladel (Dahlerup 2001, s. 18).

250. Benedictow 1971, s. 37.

No er ikkje det Benedictow kallar «ustandsmessig næringsvirksomhet» noko kriterium etter mitt syn, ettersom det finnest nok av eksempel frå til dømes dansk seinmellomalder der adelen er direkte involvert i handelsverksemd.²⁵¹ Sjølv om Benedictow tilsynelatande meiner det motsette,²⁵² er det etter mitt syn urimeleg å rekna med at ikkje også det norske aristokratiet har vore sterkt involvert i til dømes tørrfiskhandelen i mellomalderen, i det minste som råvareleverandørar gjennom utrusting av fiskebåtar og organisering av tørkinga av fisken.²⁵³ Også anna handelsverksemd er det rimeleg at det norske aristokratiet har vore involvert i.²⁵⁴ Skipsnamn frå mellomalderen vitnar også om at dette må ha gått føre seg.²⁵⁵ Kor mykje handelsverksemda har hatt å seia for økonomien til adelen, er meir uvisst, og det kunne vore ynskjeleg med eit forskingsarbeid på nettopp dette.²⁵⁶ Eg er også skeptisk til Benedictows påstand om at bruken av bumerke i staden for skjold og hjelm (dvs. våpenmerke) er eit argument mot at einkvan tilhørte adelen. Isolert sett er ikkje dette eit argument i det heile, korkje for eller mot «standstilhørsle». Korleis ein skal definera kor mykje jordeigedom som kvalifiserer til eit «arbeidsfritt liv», er heller ikkje noko enkelt spørsmål.

Geirr I. Leistad har med bakgrunn i eigne utrekningar funne at ein presumptiv lågadelmann i Trøndelag kunne leva eit «arbeidsfritt liv» dersom han åtte seks trøndske fullgardar eller meir, det vil seia jordegods som minst svarar til 12 markebol. Avkastinga av 12 markebol vil produsera nok kilokaloriar til at dette var tilstrekkeleg med jord til å fø to hushaldningar i eitt år, og dermed kan ein av hushaldningane leva av inntektene åleine. Overfører ein dette til Vestlandet må ein rett nok ta høgde for at mellom anna folлтаlet ikkje var like høgt her som i Trøndelag, men likevel kan ein operera med eit overslag på at inntektene av 40 mmb jordegods er tilstrekkeleg til å fø to hushaldningar i eitt år på Vestlandet. 1 markebol tilsvarar 3 mmb, og såleis er kravet til jordeigedom noko høgare på Vestlandet enn i Trøndelag.²⁵⁷ Ut frå dette kan ein forsøksvis definera aristokratiet ut frå eit inntektsøkonomisk kriterium på jordeigedom tilsvarande omlag 40 mmb eller meir.

251. Jf. t. d. Enemark 1960, Ilsøe 1966 og Enemark 2001. Sjå dessutan Bush 1988, s. 103–152.

252. Ole Jørgen Benedictow, sitert etter «Rapportdiskussion», s. 31, der han hevdar at handel og marknadsøkonomi er «en marginal foreteelse». Benedictow 1977, s. 100, skriv også at den i praksis einaste inntektskjelda av tydnad for adelen var lensinnehav.

253. Jf. t.d. G. A. Blom 1960a; Helle 1982; Nedkvitne 1983.

254. Det er til dømes indikasjonar på at norske stormenn som Gaute Eiriksson, Otte Rømer og Nils Henriksson har vore involvert i handelsverksemd (jf. Opsahl 2001, 2003a og 2003f).

255. Jf. Hødnebo 1970. Av eksempel kan nemnast Kanebåten, som gjekk på grunn utanfor Island i 1402 (*LA*, s. 286), og som må ha tilhørt einkvan i slekta Kane, ei slekt som leverte heile fem riksrådar i løpet av 1400-talet.

256. Det finnest fleire danske forskingsarbeid på desse spørsmåla. Sjå Enemark 2001 for eit oversyn med gode litteraturtilvisingar.

257. Opplysningar frå Geirr I. Leistad. Undersøkinga til Leistad er ikkje publisert, og eg vil retta ei stor takk til han for å ha gjeve meg løyve til å bruka den her. Jf. dessutan G. Pettersen 1992, s. 143, for ein liknande tankegang.

Benedictow ser også ut til å skilja mellom lågadel og knapeadel. Han meiner det truleg har vore meir vanleg at «storbønder og knapeadel trådte i kirkens tjeneste som setesveiner», og at unge lågademenn gjekk høgadelege stormenn til hande som herresveinar.²⁵⁸ Han innfører dermed eit sjikt mellom lågadelen og storbøndene som han kallar knapeadel,²⁵⁹ der det er nærliggjande å trekja parallellar mellom Benedictows knapeadel og Ulsigs landsbyvæpnarar.²⁶⁰ Sjølv tykkjer eg denne inndelinga vert litt for kunstig, og har i så måte meir sans for Dahlerups tredeling med magnatadel (høgadel), alminneleg adel (god adel) og marginaladel (småadel, lågadel),²⁶¹ eller ei meir formell inndeling som til dømes riddaradel, væpnaradel og ikkje-titulert adel. Kva enn ein vel av desse inndelingane, vil det alltid forekoma overlappingar og gråsoner i overgangane mellom dei.

Erik Opsahl og hans medforfattarar gjev størsteparten av den verdslege norske aristokratiet i seinmellomalderen nemninga *klientadel*, noko som er ei absolutt brukande nemning. Dei peikar på at det var høgadelen som var eit lands riksbærande samfunnsgruppe i mellomalderen. Klientadelen var dei som heldt oppe sin sosiale posisjon gjennom å vera klientar for mektigare menn. Dette femna teneste i ulike ombod for kongen, verdslege og geistlege stormenn, og skapte og heldt oppe ein aristokratisk posisjon i vid tyding i seinmellomalderen, sjølv for personar med lite privat jordegods.²⁶²

Tor Weidling²⁶³ tek i ein artikkel frå 1998 utgangspunkt i Troels Dahlerups åtvaring til historikarar som arbeider med adelsproblematikk i dansk seinmellomalder, der Dahlerup åtvare mot den ukritiske bruken av termen adel:

Det er i denne Forbindelse af Interesse ogsaa at betragte Nomenklaturen, idet selve Betegnelsen *Adel* først dukker op herhjemme netop paa Reformationstiden, tilsyneladende som et Vidnesbyrd om, at en ny Stand føler Behov for en ny (og fornemmere) Betegnelse, og der kan i hvert Fald ikke være Tvivl om, at man ved som hidtil rent anakronistisk at benytte denne strengt taget kun for Adelsvældens Førstestand gyldige Glose ogsaa om den forudgaaende Perodes Overklasse i betydelig Grad har bidraget til at drage den Nimbus, der rent faktisk omgav det 16. og 17. Aarhundredes Adel, ned over ældre Tiders Overklasse i dennes Helhed, og det uden at have gjort sig klart, i hvor høj Grad dette kunde være berettiget.²⁶⁴

Sentralt hjå Dahlerup er at det gjekk føre seg ei kraftig endring i samansetjinga av den danske adelen kring reformasjonen. I seinmellomalderen inneheldt den danske adelen ei rekkje nokså marginale

258. Benedictow 1971, s. 40.

259. Jf. Benedictow 1971, s. 38.

260. Ulsig 1968, s. 292; Benedictow 1971, s. 37.

261. Dahlerup 2001, s. 18.

262. Moseng et al. 1999, s. 363.

263. Weidling 1998b.

264. Dahlerup 1970, s. 2.

individ, medan bispar og høgadel hadde skaffa sine trufaste futar kongelege privilegier på fridom og frelse. Denne «futeadelen» eller «funksjonæradelen» hadde lite eller inkje jordegods, og kunne rekrutterast frå bønder og andre ikkje-adelege samfunnsgrupper, så vel som frå tidlegare bedrestilt adel som hadde vorte ramma av agrarkrisa i seinmellomalderen.²⁶⁵ Dahlerup er freista til å karakterisera den danske reformasjonen som «the fall of the gentry»,²⁶⁶ noko som heller ikkje er ein urimeleg karakteristikkk på dei tilsvarande tilhøva i Noreg. Tor Weidling konkluderer med at det er grunn til å halda fast ved den tradisjonelle oppfatninga om at Noreg ikkje hadde eit aristokrati som talmessig og økonomisk kunne måla seg med det danske. Men dette tyder ikkje at den norske adelen var atypisk for adelen på 1500-talet.²⁶⁷ Snarare kan det vera den danske adelen i tidleg nytid som har vore atypisk, i det minste den danske magnatadelen, og den danske historikaren Erling Ladewig Petersen (1929–2000) har jamvel karakterisert Danmark ved utgangen av seinmellomalderen som «et højadeligt slaraffenland» samanlikna med dei øvrige nordiske landa.²⁶⁸

265. Dahlerup 1970, s. 34–36; jf. Weidling 1998b, s. 472.

266. Dahlerup 1970, s. 40.

267. Weidling 1998b, s. 478.

268. Erling Ladewig Petersen, sitert etter «Rapportdiskussion», s. 14.

3.4 Konklusjon og definerande kararakteristikk

Korleis skal ein så definera denne samfunnsgruppa, og kva terminologi skal ein nytta? Skal ein freista å definera den, må ein primært avgrensa den i høve til andre samfunnsgrupper. Oppover er det lite å avgrensa det mot. Det som derimot er problematisk er å avgrensa den nedover i høve til «bøndene». Eit hovudproblem her er bruken av termen bonde. All den tid Noreg i tidleg mellomalder var eit agrarsamfunn, var det sjølv sagt også eit bondesamfunn, og alle samfunnsklassar frå trell til konge var integrerte delar av dette bondesamfunnet. Det spørers likevel om det er rett å plassera hauldar, bønder og trellar i bondesamfunnet ut frå listene over bøtesatsar i lovene. Desse satsane fortel etter mitt syn ikkje noko om bondesamfunnet *per se*, men derimot om ei sosial stratifisering i samfunnet som heilskap, ikkje berre som bondesamfunn. Ein bonde er like vanskeleg å definera som ein aristokrat. Dette skuldast ikkje minst at termen bonde i norsk mellomalder hadde minst fire forskjellige tydingar.²⁶⁹

- Nemning for einkvar fri og busitjande mann som korkje var i teneste hjå hovdingar, kyrkje eller private.
- Nemning for frie jordbrukarar som berre åtte kjøpejord eller var leiglendingar.
- Husbonde, overhovud for ei husstand. Undertida også ektemann.
- Ein som bur på landsbygda, motsett ein som bur i byen.

Ser ein på bruken av termen bonde som tilnamn, vert det fort klart at tilnamnsbruken ikkje er mogleg å nytta til sosial identifikasjon. Som tilnamn er det tilskrive kong Olav Kyrre († 1093), Lodin stallare, lagmannen Dagfinn bonde i Gulatingslag († 1237) og nidaroskanniken Bjørn bonde i 1225, for berre å nemna nokre få.²⁷⁰ Fehirden Erlend Filippusson i Losna, som døydde i 1407, er gjeve tilnamnet bonde i den islandske lagmannsannalen, og der vert det sagt at han var den merkelegaste mann som har vore i heile Noreg, av di han ikkje ville verta riddar sjølv om kongen baud han det.²⁷¹ Alle tilfella frå mellomalderen der det er nytta som tilnamn, tyder snarare på at bonde som tilnamn oftare indikerer at beraren ikkje var ein bonde slik ein gjerne oppfattar termen i dag. Eg er likevel nøydd til å nytta ei eller anna nemning for det sosiale sjiktet som finnest under adelen/aristokratiet/elitane, og i staden for å finna eitt nytt og betre omgrep, vil eg i det etterfølgjande nytta termen bonde for ein person eller ei samfunnsgruppe som ikkje kan reknast til adelen/aristokratiet/eliten.

269. Hertzberg 1895, s. 108–110, s. v. «bóndi»; Fritzner I, s. 167–168. Jf. Bjørkvik 1957, sp. 89.

270. Sjø E. H. Lind 1920–1921, sp. 36.

271. *LA*, s. 289.

Ei samfunnsgruppe som svara omtrentleg til den seinare adelen, eller aristokratiet, var ein absolutt realitet i Noreg i mellomalderen, og ein kan forsåvidt seia at det eksisterte ein adel sjølv om ein juridisk definisjon av den vantar. Skal ein så freista å definera denne samfunnsgruppa, kan det ut frå det føregåande sjå ut til at det kan vera fornuftig å definera mellomalderens norske adelege ut frå eit kriterium om skattefridom, dvs. fritak frå å betala leidangsskatt av åbølet sitt. Aristokratiet kan definerast ut frå økonomiske kriterier om potensiell arbeidsfridom, medan elitane må definerast ut frå det ikkje-målbare omgrepet makt, basert på Michael Manns fire områder for makt. Dei forskjellige kriteria har eg freista å summera opp i tabellen nedanfor.

Tabell 3-3. Freistnad på definisjon av samfunnsgruppene adel, aristokrati og elite

Adel	Aristokrati	Elitar
Definerande kriterium er privilegier, dvs. i realiteten skattefritak	Definerande kriterium er økonomisk	Definerande kriterium er makt innanfor minst eitt av dei fire maktområda: Økonomisk, ideologisk, politisk og militær
Formalistisk: anten har ein skattefritak eller så har ein det ikkje.	Økonomiske (og dels også politiske og slektsmessige) graderingar	Makt er ingen målbar storleik.
Skattefritak kan graderast etter storleik dersom det eksisterer	Kan definerast økonomisk ut frå krav om jordeigedom på minst 40 mmb	Maktelitane kan dels graderast etter maktgeografiske kriterier: t.d. nasjonal, regional, lokal

Det vil vera ei stor grad av overlapping mellom desse gruppene eller kategoriane, men ein kan godt vera aristokrat utan å vera adeleg, og undertida også adeleg utan å vera aristokrat. Men begge desse gruppene må definerast som delar av eliten, adel kan henda primært som politisk elite ettersom dei står i ei stilling som medfører at dei får privilegier av «statsmakta», og aristokratiet primært som økonomisk elite, utan at dette på nokon måte utelukkar tilhøyrse til elitane innanfor dei andre maktområda.

Bruken av desse definisjonane i det følgjande kapitlet i samband med den sosiale identifikasjonen av jordeigarane vil også vera prega av noko overlapping. Ikkje minst skuldast dette kjelde-materialet og samansetjinga av det. For nokre personar kan kriteria vera brukande til å definera einkvan som adeleg, for andre som aristokratar, og for andre igjen som elitar. Terminologien vil også undertida lida litt under dette, noko som illustrerer det problematiske med den. Aristokrati og elite er likevel enklare omgrep å nytta enn kva tilfellet gjerne vil vera med adel, og dei konnota-sjonane det har til ein adelstand i norsk språk.

Likevel vil eg nok seia meg samd med Joseph Morsel at eksistensen av adelege personar ikkje er avhengig av eksistensen av ein adel(stand).²⁷² Nemninga adel/adeleg kan godt nyttast anakronistisk som nemning for einskildpersonar og grupper av personar også i mellomalderen. Men av dette følger ikkje ein automatikk i eksistensen av ein juridisk definert stand, slik ein får i tidleg nytid.

272. Morsel 2001, s. 201 og 222–227.

4 Dei private jordeigarane

4.1 Innleiing

Denne gjennomgangen inkluderer i prinsippet alle brev og opplysningar som vedrører transaksjonar av jord i privat eige i dei noverande fylka Hordaland og Sogn og Fjordane, frå omlag 1200 og fram til 1520. Året 1520 er valt av di eg då unngår å ta med ei analyse av alle personane i tiendepengeskatten, noko som ville ført til at materialet vart altfor stort til at det ville vore mogleg å gjennomføra på ein grundig måte. Dessutan meiner eg at ein analyse av jordeigedomstilhøva og den sosiale stratifiseringa på 1500-talet bør gjerast for seg, og femna heile perioden frå omlag 1500 til midten av 1600-talet for å få med seg dei store sosiale omveltningane i kjølvatnet av reformasjonen og det aukande skattetrykket under Christian 4. (1588–1648). Eg skriv i *prinsippet*, ettersom det neppe er utenkjeleg at nokre brev eller opplysningar har vorte oversette. I det store og heile har dette likevel neppe mykje å seia for dei slutningane eg dreg av gjennomgangen. Eg har ikkje gått systematisk gjennom alle yngre kjelder, altså kjelder etter 1520, som også kan tenkjast å innehalda opplysningar om eldre transaksjonar eller jordeigedomsopplysningar, men nokre slike har eg likevel fått med.

Dette kapittelet inneheld ein freistnad på sosial identifikasjon av 1241 personar som er direkte involverte i jordeigedomstransaksjonar, eller som er sagt å eiga jordeigedom i undersøkingsområdet. Desse 1241 personane er fordelte på 636 saker. Ei *sak* kan femna fleire brev og/eller opplysningar. Særskilt brev/opplysningar som høyrer naturleg saman er gjerne slegne saman til ei einskild sak. Ein del av sakene er tekne ut og handsama i eigne delkapittel, anten på bakgrunn av lokaliteten til jordeigedomane eller slektskapstilhøva mellom eigarane. Oppsummeringa og resultatane av denne freistnaden på sosial identifikasjon av jordeigarane, kjem i det påfølgjande kapittelet.

Kjeldematerialet viser dessutan stort sett berre einskildtransaksjonar, og det er berre unntaksvis at vi får opplysningar om heile godsmengda til ein person. Det medfører sjølv sagt at der transaksjonen femner berre ein liten gardpart, kan det likevel vera tale om ein person som i teorien er stor-godseigar.

Før eg tek til med den eigentlege materialdelen, ser eg det som turvande å gjennomgå kjeldesituasjonen, kjeldegrunnlaget, samt kort seia noko om dei historiske hjelpevitenskapane som er nytta i arbeidet.

4.1.1 Kjeldesituasjonen

Kjeldetilfanget frå norsk mellomalder er tynt, og det må ha gått tapt uhorvelege mengder med brev, jordebøker og andre handskrifter opp gjennom tida. Illustrerande for dette er det faktum at det finnest knapt ei einaste mellomalderkjelde frå klostra på Halsnøy, Lyse eller Selja. Både Halsnøy og Lyse var eigne forleningar i etterreformatorisk tid, men arkiva frå både mellomalder og nytid er meir eller mindre sporlaust borte. Det same gjeld for Allehelgenskyrkja og Apostelkyrkja i Bergen,¹ og forsåvidt også klostra i Bergen, med unnatak for Munkeliv, der det finnest gode kjelder fram til 1427 (både jordebok og brevbok, AM 902 a 4^{to} og AM 902 b 4^{to}), samt nokre yngre jordebøker frå 1400- og 1500-talet. Dessutan har vi den såkalla Bergen Kalvskinn (sjå kap. 4.3) frå midten av 1300-talet som kastar mykje ljøs over jordeigedomstilhøva i heile bispedømmet, ikkje minst med omsyn til det lokalkyrkjelege godset.² Frå klostra i Bergen ved sidan av Munkeliv, som til dømes Jonsklosteret, Nonneseter og Olavsklosteret, finnest det knapt opplysningar i det heile. Jordegodset til Jonsklosteret vart slege saman med Munkeliv klosters gods, og i dei yngre jordebøkene er det uråd å skilja det eine frå det andre. Noko forstemmande er det å lesa ei kommisjonsforretning over Halsnøy klosters gods frå 1712, der det mellom anna finnest ei liste over kva som vart levert inn til kommisjonen frå ombodsmannen Henrik Miltzow. I denne lista finn ein både «En gammel Pergement Bog, med munchestiil, paa een deel Closter godz» og «En liden Pergement Bog, med 8tte blader, med gammel stiil, munchestiil, kaldet kalvskind».³ Etter dette har ein ingen informasjon om korkje brevboka(?) eller jordeboka frå mellomalderen, men ein kan jo ha eit bittelite håp om at ein eller annan historieinteressert og nidkjær 1700-tals embetsmann har gjort ei avskrift av dette, og at ei slik kan dukka opp ein eller annan stad i arkiva våre. Av andre bortkomne kjelder, kan for Apostelkyrkjas del nemnast eit skrift som i det minste eksisterte kring 1600 i Dale kyrkje i Luster i Sogn.

1. Eldste jordeboka for Lyse kloster er frå 1624 (*Stathaldar-arkivet*, s. 32), medan ein er noko heldigare stilt for Halsnøy kloster, truleg som følge av at klostergodset her var ei forlening saman med Hardanger. For Halsnøy kloster er den eldste jordeboka frå 1614–1615 (*Rentekammeret: Lensrekneskapar* II, s. 219). Dei same problema møter ein med Utstein kloster i Rogaland som var eigen forlening saman med Allehelgenkyrkjas gods, der dei eldste jordebøkene er frå 1640-åra (*Rentekammeret: Lensrekneskapar* II, s. 228–229; *Stathaldar-arkivet*, s. 38). For Apostelkyrkja i Bergen er også den eldste jordeboka frå 1624 (*Stathaldar-arkivet*, s. 32).

2. For innhaldet i og opphavet til Bergen Kalvskinn, sjå innleiinga til Finn Hødnebo og Ole-Jørgen Johannessen i *BK*.

3. NRA, RK, ROA, Statens gods, pk. 3, legg 1, Commission-Forretning over Halsnøe Closters Gods, Allerunderdanigst forfatted Anno 1712, fol. 116^f.

Ettersom heile Jostedalen var i eiga til Apostelkyrkja, ville det vore svært interessant å visst meir om den «Øffsterdals Crønike» som er omtalt i ei sak om allmenningen ved Dale i Luster i juni 1649.⁴

For private godseigarar er det endå verre stilt. Ei av svært få jordebøker over ein mellomalderleg godssamling i Noreg i verdsleg eige ein har, er Hartvig Krummedikes jordebok frå midten av 1400-talet.⁵ I tillegg kjem nokre få andre, som Vincens Lunges jordebok frå 1535,⁶ samt Gørvel Fadersdotters rekneskap over Giskegodset frå 1563,⁷ som rett nok ikkje er ei mellomalderkjelde, men likevel ei kjelde til mellomalderen. Med omsyn til bortkomne kjelder, forsvann truleg til dømes alle atkomstbrev til jordegodset til Losna-ætta og det seinare Rosenkrantz-godset i Noreg i brannen som herja Frederikshald i 1826, ettersom Marcus Gjøl Rosenkrantz hadde teke med seg det meste av Rosenholmarkivet til byen då han vart amtmann over Smålenene året før.⁸ Brannar har nok også ellers teke svært mykje av gamle dokument, ikkje minst bybrannane i Bergen,⁹ men også den store brannen i København i 1728 der Universitetsbiblioteket gjekk opp i røyk, øydelagde mange gamle norske brev og bøker. På den andre sida har ein etter måten mange brev som opphavleg truleg har tilhørt arkivet etter Alv Knutsson (Tre roser) og Magnhild Oddsdotter (Finne-ætta). Fleirtalet av dei mange vossebrev frå mellomalderen har truleg overlevd tidas herjingar nettopp i arkivet deira, der dei har vorte tekne vare på i eigenskap av atkomstbrev på jordegodset til Alv og Magnhild og deira etterkomarar. Arkivet enda til sist opp hjå Hannibal Sehested, og ved hans fall i 1651 vart det truleg kverrsatt og enda såleis opp i Geheimarkivet og seinare i Rigsarkivet i København.

4. SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A.1, Tingbok 1648–1652, fol. 27a–27b: «Erschinet for retten erlig och welacht och forstandig mand Søffren Lauridzen, som wdj goed lydeli spurde gamel Knud Aasen huad hannem witterligt ehr om den almindig som liger wed Dalle wdj Lyster. Hor til Knud suaret at hand nu ehr 90 aar gamel och for 50 aar forleden, den tid her Suend war prest wdj Lyster. Da laa wdj Dalle kierche Øffsterdals Crønike, och der i leste at Øffsterdal haffde fri heste bede och marchet paa Dals Ørren, och Bottel Røne som war 129 aar[!] gamel forregaff for hannem at almindingen wed Dalle laa til Øffsterdallen, och aff mange flerre, samme ord hørt haffuer, som hand forregaff.».

5. AM 880 4^{to}. Jordegodset etter Krummedik'ane kom på 1500-talet til Eske Bille gjennom hans ekteskap med Sofie, dotter til Henrik Krummedike. Hartvig Krummedikes jordebok er publisert av Albert Kjær i 1908, og analysert i Benedictow 1970.

6. Utgjeve i *NRJ* IV, s. 469–496.

7. Utgjeve av Per-Øivind Sandberg i 1986.

8. Om Rosenholmarkivet generelt, sjå *RDRDM2*, bd. 8, s. 317–322. Det finnest svært få regestar av dei norske breva i Rosenholmarkivet i dei repertoria som finnest i København, korkje i Rigsarkivet (DRA, HSS, Jakob Langebeks samlinger, pk. VI, Afskrifter m.m., Repertorium over det Rosenholmske Archivs Gamle Documenter, forfattet 1762) eller i Det kongelige Bibliotek (KB, NKS 2091 4^{to}, Repertorium over Det Rosenholmske Archivs gamle Documenter, forfattet 1762 [i tre band]).

9. Hartvedt 1994, s. 122–123, listar heile 38 bybrannar frå den første brannen som er omtalt i skriftlege kjelder i 1170/1171, og fram til brannen i Holmedalsgarden og Hjortegarden på Bryggen i 1958. Den mest katastrofale var brannen i 1702 då sju åttandepartar av byen brann ned, og den delen som då ikkje gjekk opp i røyk, hadde gjort det i 1686. Som eit resultat av 1702-brannen tek svært mange av arkivseriane i SAB som er frå Bergen by, først til i 1702 eller 1703.


Frå Bergenhus len finnast diverre heller ikkje noko tilsvarande det såkalla Akershusregisteret, som var ei forteikning med korte registar av dei breva som fanst på Akershus slott i 1622, og som i 1916 vart utgjeve av Gunnar Tank.¹⁰ I nokre inventarlistar frå Bergenhus slott frå 1619 og 1627, finn vi rett nok ein del registar av kongelege missiv og dommar frå siste del av 1500-talet og førstninga av 1600-talet, men eldre dokument er diverre ikkje omskrivne som anna enn «Ett Skrin fuldt mæth Attschillijge och mangfuldig Slags gammel Pergementds och papiers Jorde breffue och andere breff»,¹¹ utan at dei er ytterlegare registerte.

Som ei følgje av kjeldetapet vert kjeldegrunnlaget for einkvar analyse noko tilfeldig, og det er også ei viss fare for at det også får slagside i høve til ein eller fleire geistlege institusjonar, der det er størst sjanse for at større mengder med kjelder har overlevd tidas herjingar. Likevel vil eg hevda at dette ikkje vil ha vesentleg innverknad med omsyn til den typen analyse eg vil freista gjennomføra på dei private jordeigarane. Dette av di eg meiner det er rimeleg grunn til å rekna med at dei jordeigarane vi faktisk har opplysningar om, speglar omtrentleg fordelinga av jordeigarane på dei forskjellige sosiale sjikta i mellomalderen i Noreg. Trass i at kjeldegrunnlaget er ufullstendig, meiner eg det er representativt i høve til ei undersøking av den typen eg freistar å gjennomføra.

10. *Akershusregistret af 1622*. Jf. Hamre 1968b, s. 63–64.

11. NRA, RK, LR, Bergenhus len, pk. 43.4, Inventar på Bergenhus 3. mai 1619, Huis Kongelige Mandatter Domme breffue och Anditt som findis paa Bergenhuus, nr. 73; jf. tilsvarande inventarliste i same pakke dagsett 9. juni 1627, nr. 73.


4.1.2 Kjeldegrunlaget



Figur 3. Distribusjon av brev (i hovudsak frå DN) med opplysningar om eigedomsoverførslar i noverande Hordaland og Sogn og Fjordane, fordelt på 50-årsbolkar.

Eg har gjennomgått i prinsippet alle kjeldestader (det meste er diplommateriale) som har opplysningar om eigedomstransaksjonar i undersøkningsområdet i mellomalderen. Det er i praksis truleg uråd å få med seg absolutt alle kjeldestader, men det er dette som har vore utgangspunktet mitt. At nokre likevel kan ha vorte oversett, er statistisk sett sannsynleg. For det endelege resultatet og den følgjande konklusjonen, har dette likevel ikkje stort å seia. Alt i alt har eg trekt ut omlag 650 brev, i hovudsak frå *Diplomatarium Norvegicum*, frå tida opp til 1520 og som direkte fortel om jordegods-transaksjonar.¹² I tillegg til desse kjem omlag 170 andre brev frå DN som fortel eitt eller anna om jordeigedomstilhøva i undersøkningsområdet. Forutan dette, har eg også trekt ut alle opplysningar frå BK som fortel om jordegods-transaksjonar, primært donasjonar til kyrkjelege institusjonar.

12. Opplysningar om ein jordegods-transaksjon, eller ein (jord)eigedomstransaksjon, definerer eg som opplysningar som direkte fortel om eigarskifte, dvs. at ein eigedom vert overført frå ein person/institusjon til ein annan person/institusjon.



Figur 4. Distribusjon av brev (i hovudsak frå DN) med opplysningar om eigedomsoverførslar i noverande Hordaland og Sogn og Fjordane, fordelt på 10-årsbolkar. (PP er transaksjonar mellom private eigarar, PG mellom private og geistlege, GG mellom krona og geistlege, og KP mellom krona og private).

Også dei relativt få verdslege jordebøkene ein kjenner frå mellomalderen inneheld spreidde opplysningar om transaksjonar. I tillegg til alt dette kjem einsskildte utrykte diplom, samt opplysningar frå andre spreidde kjelder av varierende type.

På bakgrunn av kjeldegjennomgangen har eg laga ein katalog over jordeigarane, totalt 1241 namngjevne personar i tida fram til omlag 1520, og med denne katalogen som utgangspunkt har eg freista å finna alle andre kjeldestader der desse personane er omtalte. Ut frå ein analyse av det samla kjeldetilfanget om desse personane, har eg så freista å identifisera dei sosialt ut frå særskilte kriterier. Framleiinga av desse kjeldestadene ville ikkje vore praktisk mogleg utan tilgang til databasen med personregisteret til det samla *Diplomatarium Norvegicum* som finnest på Kjeldeskriftavdelinga ved Riksarkivet i Oslo, og eg vil igjen takka avdelingsarkivar Tor Ulset for å ha gjeve meg tilgang til den. Dei resultat eg har trekt ut av den står for mi eiga rekning, til liks med eventuelle feilslutningar på bakgrunn av den.

4.1.3 Genealogi

Jeg troer at Fanden havde aldrig kundet lettere faae hob til at miste sin taalmodighed end dersom hand ved ret væddemaal havde proponeret hannem at debrouillere en gammel genealogie. Dette er i sig selv meget vanskeligt, gamle slægtbøger contradicere hin anden offte, og hvor skal vi finde oplysning.¹³

Genealogi er vitskapen om eller studiet av opphavet til og utbreiinga av slekter/ætter, og kartlegging av slektskap mellom personar.¹⁴ Genealogien har, dersom den vert utført på vitskapleg og metodisk vis, absolutt sin plass mellom dei historiske hjelpevitskapane eller disiplinane. Den danske historikaren og genealogen Albert Fabritius (1905–1976) peika på at målet til genealogien er å leggja fram historiske kjensgjerningar, og å dokumentera påståtte slektskapstilhøve ved bruk av historisk-kritiske metodar.¹⁵

Samanliknar ein med genealogiske undersøkingar i tidleg nytid og meir moderne tid, lider ofte den mellomaldergenealogiske forskinga under det faktum at kjeldegrunnlaget er svært magert, og at relativt få kjelder eigentleg gjev høve til å setja opp gode slektstre for meir enn eit fåtal familiar.¹⁶ For Noreg er stoda endå verre enn det er elles i Europa, og dersom ein ser på den genealogiske litteraturen her til lands, har svært mykje av den preg av å vera amatørarbeid. Eit grovt overslag kan vera at så mykje som 70–80 % av det som er publisert under eit utvida omgrep for mellomaldergenealogi, er fullstendig verdlaust frå ein vitskapleg ståstad. På den andre sida har det vore gjort ein

13. Terkel Klevenfeldt, sitert etter DRA, HSS, Terkel Klevenfeldts samlinger, pk. 36, Dokumenter vedr. adelige Familier – Rosenkrantz.

14. Forst de Battaglia 1948, s. 10; Stoa og Sandberg 1992, s. 10; Worsøe 1997, s. 12–13. Jf. dessutan Goetz 2000, s. 330: «Genealogie ist die Wissenschaft von den auf familiärer Abstammung beruhenden Verhältnissen zwischen den Menschen bzw. vom Werden und Vergehen von Geschlechtern.»

15. Fabritius 1937, s. 120; jf. Fabritius og Hatt 1993, s. 27.

16. Beech 1992, s. 199.

heil del god forskning på feltet, men mykje av denne er no forelda. Hovudmengda av forskingsbidraga og den lødige litteraturen finn ein i *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift*, utgjeve av Norsk Slektshistorisk Forening sidan 1927, men også her har det i periodar vore publisert mykje som ikkje burde vore publisert. Særskilt lider tidsskriftårgangane mellom 1950-åra og tidleg på 1990-talet av at genealogi (og slektsforskning) som metode og arbeidsreiskap ofte ikkje har vore gjennomført på eit tilstrekkeleg vitskapleg og kjeldekritisk grunnlag.

Førkrigsgenerasjonane av norske historikarar bidrog mykje til genealogisk forskning, noko som kan illustrerast med at til dømes Halvdan Koht (1873–1965) var formann i Norsk Slektshistorisk Forening frå 1928 til 1940. Det har vore hevda at slektshistorien har «falt i vanry» hjå faghistorikarane i etterkrigstida, men dette vert tilbakevist av Ottar Dahl.¹⁷ Dersom slektshistoria har hatt eit dårleg rykte skuldast nok dette i første rekkje slektshistorikarane sjølve, ikkje minst den store mangelen på vitskaplege metodar som mange har utvist. I seinare tid har genealogi vorte meir akseptert også i Noreg, truleg ei følgje av nettopp auke i kvaliteten på mange arbeid, men det kan likevel synast eit stykke fram før genealogi vert rekna som likeverdige med andre historiske hjelpevitskapar, slik det er det elles i fagmiljøa rundt om i verda. Til dømes nemner Knut Kjeldstadli genealogi ein einaste stad i si mykje brukte metodebok, og då i samband med myter.¹⁸ Til samanlikning har Hans-Werner Goetz eit eige kapittel om genealogi med gode litteraturtilvisingar i si metodebok om mellomalderhistorie,¹⁹ og i den klassiske tyske boka om historiske hjelpevitskapar, skriven av historikaren og arkivaren Ahasver von Brandt (1909–1977), finn ein også mykje om genealogi.²⁰ I denne avhandlinga er genealogiske metodar viktige for å kartleggja slektsrelasjonar og nettverk i samband med å innplassera individuelle personar sosialt, og for å avgjera eller i det minste indikera kva sosiale status dei hadde. Genealogi inngår også som ei viktig brikke i det prosopografiske arbeidet, der kartlegging av familierelasjonar er viktig (sjå s. 85).

4.1.4 Prosopografi

Den truleg klåraste og mest komplette definisjonen²¹ av prosopografi vart gjeve av sosialhistorikaren Lawrence Stone (1919–1999) i 1971 i ein artikkel i tidsskriftet *Daedalus: Journal of the American Academy of Arts and Sciences*, og trykt på ny i 1972 i revidert utgåve i boka *Historical Studies*

17. Dahl 2001, s. 124.

18. Kjeldstadli 1999, s. 53.

19. Goetz 2000, s. 330–332.

20. von Brandt 1998, s. 39–47.

21. Såleis hevda av Smythe 2000, s. 85, og det er ingen grunn til å vera usamd i Smythes utsegn.

Today: Prosopografi er undersøkinga av dei felles bakanforliggjande karaktertrekka til ei gruppe handlande personar (aktørar) i historia, gjennom eit kollektivt studium av liva deira. Metoden som vert nytta er å etablere eit univers som kan studerast, og deretter stilla eit sett av like spørsmål – om fødsel og død, giftarmål og familie, sosialt opphav og nedarva økonomisk posisjon, bustad, utdanning, mengde av og opphavet til personleg rikdom, yrke, religion, karriere o.s.b. Dei forskjellige informasjonstypene om individa i universet vert så sidestilte og kombinerte, og deretter undersøkt for viktige variablar. Dei vert testa både med omsyn til interne korrelasjonar så vel som for korrelasjonar med andre former for framferd eller handling.²²

Katharine Keats-Rohan ved University of Oxford har hevda med rette at prosopografi er eigentleg eit sett av fleire forskjellige tilnæringsmåtar til analysen av heile samfunn i definerte regionar eller tidsrom. Sjølve arbeidsteknikken vil ikkje variera stort frå tidsrom til tidsrom, men metodologien vil i eit kvart tilfelle vera avhengig av det kjeldematerialet som finnest til rådvelde. Det som kjem ut av arbeidet vil vera eit forskingsverktøy, ofte kalla ein prosopografi, som igjen ofte vil inspirera til vidare forskning. Ein prosopografi har sitt grunnlag i nitid kjeldegransking, og informasjonen i den kjem ofte frå eit vidt spekter av kjeldetypar som igjen er sett saman og raffinert ved konstant komparasjon av dei forskjellige kjeldene. Resultatet vert at prosopografien på sett og vis fungerer som ei ny kjelde, ei *metakjelde*, der nokre av avgrensingane i dei bakanforliggjande kjeldene er fjerna. Kjelder og kjeldearbeid er dermed sjølve essensen i prosopografisk forskning.²³

Ettersom slekts- eller familieband ofte avgjorde kvar ein persons karriere i det minste starta, om ikkje også den seinare karrierestigen, er som regel kartlegging av familierelasjonar startpunktet for all prosopografi. Familie er her nytta i vid tyding, og femner både direkte slektningar som mor, far, barn, besteforeldre, så vel som indirekte slektningar som onklar og tanter, søskenbarn og tremeningar m. m. Ein må også ta omsyn til både patrilineære og matrilineære aner så langt tilbake i tid som det er råd å koma. Trass i at direkte slektningar ofte hadde stor innverknad på livet og karriera til ein person, viser forskinga at også fjernare slektningar, særskilt dei som sjølv hadde viktige posisjonar, kunne ha stor innverknad på kva retning karriera tok.²⁴ Undersøkingar har vist at relasjonen

22. Stone 1972, s. 107.

23. Keats-Rohan 2003.

24. Beech 1992, s. 199.

mellom morbror og søsterson ofte kan vera av stor vekt,²⁵ noko som understrekar at dei matrilineære slektssamanhengane ofte er vel så viktige som dei patrilineære.

Etter at ein har freista kartleggja familie-/slektsrelasjonane til eit individ, er gjerne neste steg for prosopografen å kartleggja personens liv og karriere. Barne- og ungdomstida vil i dei aller fleste tilfella forbli ukjent, men der det finnest opplysningar om denne, kan det ofte vera med til å gje forklåringar på alliansebygging og karriereveggar i vaksen alder.²⁶ Utdanning er også eit viktig moment i denne samanhengen. Ei typisk opplysning frå sagalitteraturen om barne- og ungdomstida, er opplysningar om fostring i ei eller anna form. I tidleg nytid var også det ein kan omtala som «utplassering i fosterheimar» ein viktig del av utdanninga for adelens born, og kunne ha stor tyding for den framtidige karriera. Mange adelsborn vart plasserte hjå slektningar, men det var også mange som vart plasserte hjå standspersonar som ikkje tilhørte slekta.²⁷ Dette var vanleg også i mellomalderen,²⁸ truleg også i Noreg sjølv om vi ikkje har direkte opplysningar om det.

Korleis ein person gifta seg, og kven han gifta seg med, kan ofte gje verdfulle opplysningar om sosial status. Det har lenge vore nærast ei trusretning at til dømes giftarmål innan adelen var ei form for forretningsavtale der begge partar skulle koma godt ut av det, og dermed var det ønskjeleg å unngå å gifta seg utanfor si stand. Dette er ikkje alltid tilfellet, og det er mange eksempel på at menn har gifta seg inn i familiar av høgare sosial status, enn den dei sjølve tilhørte. Ei oppgåve i samband med giftarmålet, er å identifisera ektefellen og familien vedkommande tilhørte og statusen til familien. Relevante spørsmål her er til dømes kva embete eller funksjonar far til ektefellen hadde, kor mykje eigedom han hadde, kva slag klientforhold var familien til ektefellen involverte i, og så vidare.²⁹

Ved inngåing av ekteskapet fekk også unge menn og kvinner ofte hand om arven sin, eller i det minste delar av den. Sjølv om foreldras status som regel vart tilskrivne borna ved fødselen, var det likevel arvegodset som gjorde det mogleg å føra ei standsmessig livsførsle. Både fordeling, storleik

25. Eit typisk eksempel frå norsk seinmellomalder er erkebiskop Olav Engelbrektssons bruk av kognatiske slektningar som Gaute Taraldsson og Kristoffer Trondsson i sentrale stillingar. Gaute Taraldsson var påviseleg ein søsterson av erkebiskopen; Kristoffer Trondsson er ein meir uviss på korleis var i slekt med han.

26. Beech 1992, s. 204.

27. Jf. t. d. Weidling 1998a, s. 61–63, som viser til Birte Andersens avhandling frå 1971, *Adelig opfostring: Adelsborns opdragelse i Danmark 1536–1660*.

28. Jf. t. d. den unge William Marshal si «dæretid» i Normandie hjå Guillaume de Tancarville (Crouch 2002, s. 24–32). Eit anna eksempel er den engelske *gentleman* (lågadelsmannen), seinare kronikøren, John Hardyng, som då han var 12 år gammal i 1390, vart teken inn hjå Henry Percy, jarl av Northumberland, for å få opplæring i religion, kunnskap og våpenbruk (Boardman 2003, s. 18).

29. Beech 1992, s. 204–205.

og lokaliteten av arven, ikkje minst jordegodset, gjev som regel svært god informasjon om kva status vedkommande person hadde. Særskilt viktig er dette der ein veit lite om slekta elles. Store eigedomar tyder sjølvsagt på høg sosial status, medan mindre eigedomar kan tyda på det motsette. Ein skal likevel vera varsam med å tilleggja personar med lite kjent eigedom for låg status, då det høyrer med til unntakstilfella at ein har informasjonar om alt jordegodset til einskildpersonar frå mellomalderen. På same måte kan jordegods, anten ein har opplysningar om mykje eller lite av det, dersom det er spreidd over større geografiske områder, tyda på relativt høg sosial status, då det er vanleg å rekna med at den geografiske mobiliteten er større dess høgare ein kjem i dei sosiale sjikta. I det minste indikerer det at vedkommande person har spela ei rolle ut over det reint lokale.³⁰

Eit anna sentralt punkt i studiet av ein persons karriere, er om vedkommande hadde embete av eitt eller anna slag, anten i den verdslege administrasjonen eller innanfor kyrkja. Av stor vekt er kva attributt desse embeta hadde, som til dømes kva prestisje som var knytta til det, kor store inntekter som låg til det, eller kor mykje autoritet som låg i det. Prov for slike embetsinnehav kjem ikkje alltid direkte fram frå kjeldene. Vel så ofte er det trong for nitide undersøkingar av tittelbruk og variasjonar i denne, eller nærgåande studiar av kva kontekst individet opptrer i, før ein kan seia noko om kva embete eller ombod personen hadde. Korleis vedkommande person fekk ombodet er også av interesse, men ofte er det vanskeleg å avgjera dette. Han kan ha arva det, det kan ha kome gjennom giftarmål, eller det kan vera ei kongeleg eller kyrkjeleg utnemning som takk for utførte tenester.³¹ Trass i at det ikkje utvikla seg arvelege len i Noreg i mellomalderen, har det ikkje vore uvanleg med son etter far i ein del ombod. Til dømes inneheld Håkon 5. Magnussons rettarbot frå 1308 ein passus som seier at dersom syslemennene har oppført seg skikkeleg, då skal dei behalda syslene sine så lenge dei lever, og sønene deira skal vera nærast til å overta syslene etter dei såfram dei ikkje har forbrote seg mot kongedømet eller kongens tegnar.³² Eit dømme med geistlege embete er bispestolen i Hólar på Island, der fire av bispane mellom 1357 og 1520 var nære slektningar som tilhørte ei vestnorsk lågadelsslekt.³³

Den kan henda beste indikasjonen på ein persons sosiale status, finn ein ved å studera dei personane han eller ho omgår. Deira status er ein målestokk på hans eigen status, og dersom ein vantar prov på det motsette kan ein normalt gå ut frå at han eller ho har hatt omlag same status som dei

30. Beech 1992, s. 205–206.

31. Beech 1992, s. 206–207.

32. *Njg*L III, s. 74–81; *DN* XI, nr. 6. Jf. P. S. Andersen 1972b, sp. 655.

33. Sjå Lamberg 1997 og Ugulen 1998, s. 266–267.

personane vedkommande ofte opptrer saman med.³⁴ I diplom kan ein ofte også få indikasjonar på status ved å sjå på rekkefølga personane er nemnte i, anten det er som vitner eller som beseglarar av diplommet. Dersom ein person er nemnt eller beseglar framfor ein annan person som ein til dømes veit var riddar eller væpnar omlag på same tid, men der tittelen ikkje er brukt i det aktuelle brevet, kan ein med rimeleg grad av visse rekna med at den første også var riddar eller væpnar. Seglføring (sjå nedanfor) er også viktige indikasjonar på sosial status, der våpenmerke (ofte omtalt som våpenskjold) i seglet som regel er prov på høgare sosial status.

4.1.5 Sigillografi og heraldikk

Sigillografi eller sfragistikk, er læra om segl (lat. *sigillum*, som er ei diminutivform av *signum*, gresk *sphragis*). Seglet er nemninga for avtrykket til eit preg eller ein skoren figur (i mellomalderen som regel eit signet i form av ein ring eller eit stempel) i ei blautgjort, seinare herda, masse (vaks, bly, metall eller lakk).³⁵ Alt tidleg vart signetet/seglet nytta til både forsegling av dokument, så vel som til besegling, d.v.s. avtrykk av signetet på eller ved eit dokument som rettsleg garanti for at dokumentet var ekte.³⁶ Studiet av segl er eit viktig instrument i mellomalderforskinga. I europeisk høgmedlomalder vanleg med ein andre utformingstypar, høvesvis ryttarseglet og seinare våpenseglet. Desse to vart i hovudsak nytta av aristokratiet, i det minste i førstninga. Det er også desse to utformings- typane vi først møter i det norske kjeldematerialet. Den franske heraldikaren Michel Pastoureau har jamvel sagt at segla var både skaparen av og krystallisatoren til våpenskjolda.³⁷

I dei nordiske landa dukkar det første kjende seglet opp mot slutten av 1000-talet. Det tilhørte kong Knud den heilage av Danmark og hang under det velkjende gåvebrevet til bispestolen i Lund frå 1085. Originalen er for lengst tapt, og seglet er berre kjent gjennom ei skildring i eit brev frå 1400-talet. Av danske originale kongesegl er det først Knud 6.s dobbeltsegl frå kring 1190 som er bevart.³⁸ Det eldste svenske kongesegl ein kjenner er Karl Sverkerssons dobbeltsegl frå 1164–1167.³⁹ For Noregs del er kongesegl kjent frå kring eller like før 1200.⁴⁰ På bakgrunn av ei opplys-

34. Beech 1992, s. 207–208.

35. von Brandt 1998, s. 132. Jf. Hamre 1968b, s. 22.

36. B. Hildebrand 1961, s. 220.

37. Pastoureau 1979, s. 230: «Le sceau fut à la fois ‘créateur’ et ‘crystallisateur’ d’armoiries; ceux qui en possédaient un ont en effet été conduits à prendre des armoiries, sous la double influence de la mode et des tailleurs de sceaux; tandis que ceux qui faisaient déjà plus ou moins usage de celles-ci, ont dû les soumettre aux règles et les adopter de manière définitive afin les placer sur un document, le sceau, qui authentifiait leurs actes et engageait leur crédibilité.»

38. Grandjean 1944, s. 17.

39. Grandjean 1944, s. 17; B. Hildebrand 1961, s. 222.

ing hjá William av Newburgh veit ein at kong Sverre (1177–1202) hadde eit segl,⁴¹ og Jacob Langebek gjev att «Monsr: Jon Olsøns fortælling om Kong Sverris sigill, at det i hans tid har vært til blandt Arne Magnæi Norske Breve, og at det, med flere, blev bortrannet af Snedkere, som gjorde Skabene dertil efter Ildebranden».⁴² Eit segl som tidlegare vart tilskrive kong Inge Bårdsson (1204–1217), er av Odd Fjordholm sannsynleggjort å ha tilhøyrt baglarkongen Inge Magnusson (1196–1202).⁴³ Med omsyn til geistlege segl er det i Danmark og Sverige kjent segl frå erkebiskopar og biskopar frå siste halvdel av 1100-talet, medan det i Noreg først er kjent frå 1195 (no tapt). Bysegl er kjent frå alle tre nordiske land frå siste halvdel av 1200-talet, noko tidlegare i Danmark enn i Sverige og Noreg.⁴⁴

Det er først frå siste halvdel av 1200-talet vi har overlevd verdslege ikkje-fyrstelege segl i Noreg, det vil seia segl frå personar som ikkje var knytt til konge- eller fyrsteslekter.⁴⁵ Den eldste seglstampen frå ein ikkje-fyrsteleg verdsleg norsk stormann vi kjenner, vart funne så seint som på 1990-talet på eit jorde i Norfolk i England, og tilhøyrt etter alt å dømma baronen Finn Gautsson av Mel-ætta. Denne seglstampen kan truleg tidfestast til kring 1250, og den inneheld eit ryttarsegl, men utan at det finnest noko våpenmerke i ryttarens skjold.⁴⁶ At segl ikkje har vore allemannseige vitnar både Landslova av 1274 og Bylova av 1276 om,⁴⁷ der det vert sagt lagmenn, gjaldkerar og syslemenn skal eiga segl og setja segl under ein del dokument, men dersom dei ikkje har segl skal dei lata laga ein chirograf.⁴⁸ Det siste tillegget viser at det må ha vore tilfeller der desse embetsmen-

40. Trættestad 1967, s. 10, skriv at kongane i Noreg hadde segl frå 1160-åra eller tidlegare, men denne påstanden må basera seg på at seglet til kong Inge skal ha tilhøyrt Inge Krokrygg, og ikkje baglarkongen Inge Magnusson slik Odd Fjordholm har sannsynleggjort. Jf. note 43.

41. William of Newburgh, *Historia rerum Anglicarum*, bok III, kap. VI, s. 231. William gjev også att seglomskrifta: «Suerus Rex Magnus, ferus ut leo, mitis ut agnus». Jf. dessutan Fjordholm 1973, som meiner at ein seglstamp funne i Tønsberg i 1857 kan ha vore kong Sverres.

42. DRA, HSS, Jakob Langebeks samlingar, XV, Segltegningar, pk. 11, legg 31B, Varia, gr. 5, Diverse Citater og Henvisningar «Sigiller Angaaende». «Ildebranden» er sjølv sagt den store bybrannen i København i 1728.

43. Grandjean 1944, s. 17–18; Trættestad 1970b, sp. 216; Fjordholm 1996a, s. 105–106. Det er også bevart eit fragment av seglet til baglarkongen Filippus Simonsson (1207–1217), sjå Fjordholm 1996b.

44. Grandjean 1944, s. 18–19; Trættestad 1970a, sp. 197.

45. *NøSigV*, nr. 1–3; Vigerust 2000. Jf. også Trættestad 1967, s. 48.

46. Ugulen 2004b, s. 292–293.

47. Landslova (L VIII 11, i *NøL* II, s. 157; jf. *MLL*, s. 170) seier: «Oll þau skilorð er menn gefa firir i kuenna giptingum oc sua ef menn kaup eignir eða garða oc firir huert .x. marka kaup eða meira, þa skal huartueggia þeirra gera bref eptir kaupinu oc skildaga oc nefna vatta þa er uioð uaro stund oc stað oc hafa firir logmanz insigli eða syslumanz eða annara skilrikra manna er hia uaro kaup þeirra. En ef ecki fær insigli geri þa chirographum oc ber þat kaup þeirra þa uitni ef eigi eru uitni til, huart sem þat mal dømizt firir logmanni eða aðrum rettum domarum þessa mals.» Bylova (By VII 18, i *NøL* II, s. 261) har omlag likelydande tekst, men set mellom anna inn «eða gialkyra» mellom lagmann og syslemann.

48. Ein chirograf er ei nemning for to likelydande eksemplar av eitt brev skrivne på eitt stykke pergament, og som deretter er skore i to delar, som oftast gjennom ordet «chirographum». Jf. Kroman et al. 1957.

nene ikkje har hatt segl, noko som også stemmer godt overeins med det overleverte seglmaterialet. Det overleverte norske brevmaterialet frå før 1300 som finnest i original underbyggjer også dette. Dei eldste breva har stort sett berre institusjonssegl, geistlege eller kongelege segl, samt nokre ytterst frå stormannssegl som til dømes frå hertug Skule. Talet på skor etter seglreimar er også få i desse eldste breva, og indikerer at det ikkje var svært vanleg med segl før mot slutten av 1200-talet.⁴⁹

I denne avhandlinga er sigillografien i første rekkje eit hjelpemiddel til biografiske, genealogiske og prosopografiske undersøkingar, samt til sosial identifikasjon av seglinnehavarane. Dermed er det også i hovudsak segla til verdslege personar frå mellomalderen som er av størst interesse. Dei momenta i segla som er av størst interesse i denne samanhengen er omskrifta og figurinnhaldet.

Omskrifta, eller legenda, følgjer i all hovudsak kanten av seglet, uavhengig av kva form sjølve seglet har, og inneheld som regel namnet til eigaren av seglet. Vanlegvis startar omskrifta etter ein liten kross eller ein annan figur som er plassert omlag rett over seglets sentrum, og går deretter nedover seglet frå heraldisk venstre og opp på den heraldisk høgre sida.⁵⁰ Omskrifta gjev såleis ofte ikkje anna informasjon enn det ein alt veit om personen, men det førekjem relativt ofte at ein i omskrifta kan finna eit patronym som ein elles ikkje får ut av brevteksten som seglet heng ved, og dermed får ein opplysningar som kan setja eigaren inn i ein genealogisk kontekst ein tidlegare ikkje hadde.

Truleg er det figurinnhaldet i seglet som oftast vil vekka den største interessa. Figurinnhaldet kan ha og har ofte stor tyding for både arkeologi, kunsthistorie og heraldikk, forutan at detaljar i det også kan gje informasjon om kyrkjelege, kulturhistoriske og/eller lokalhistoriske forhold.⁵¹ Det er også figurinnhaldet i seglet som er best eigna til typologisering av segla. Eg har lite tiltru til at nemningar som bondeseigl, adelsseigl eller kongeseigl er særleg brukande som typologiserande nemningar, ettersom dei ikkje seier noko om seglet, men snarare, og ofte presumptivt, seier noko om eigaren av det.⁵² Likevel kan figurinnhaldet i segla fortelja mykje om eigaren av seglet, til dømes om den sosiale posisjonen vedkommande hadde. Eit våpenseigl, altså eit segl som inneheld eit våpenmerke, er ein sterk indikator på at eigaren tilhørte aristokratiet.⁵³ På den andre sida kan ein ikkje

49. Sjå *Norske Diplomer til og med år 1300*.

50. Grandjean 1944, s. 204.

51. Grandjean 1944, s. 125.

52. Desse termene er mykje nytta i *KLNM*, der dei har eigne oppslagsord, sjå t. d. Scheffer 1956, 1960 og 1964, Trætberg 1956, 1957, 1960, 1963a, 1963b, 1964a, 1964b og 1965.

53. Jf. t. d. Leistad 1985b, som mellom anna ved analyse av seglmaterialet freistar å kvantifisera det norske aristokratiet i seinmellomalderen.

ta det for sikkert at ein person som førte eit bumerkesegl ikkje tilhørte aristokratiet, ettersom det finnest mange eksempel frå seinmellomalderen og tidleg nytid, at påviselege adelsmenn førte bumerkesegl.⁵⁴ Poul Bredo Grandjean har i si bok om dansk sigillografi gjort ei typologisering av seglmerker på bakgrunn av figurinnhaldet i segla, og eg viser dit for ein grundigare gjennomgang av dette.⁵⁵

Som argument for sosial identifikasjon kan altså i første rekkje våpensegla brukast relativt trygt, men for å ytterlegare trekka ut informasjon frå desse, må ein også ta omsyn til ein annan historisk hjelpevitenskap, nemleg *heraldikken*. Segl og våpen, eller våpensegl og våpenmerke, er to forskjellige saker, med forskjellig tyding og utvikling. Det er likevel ein tendens til at dei fell saman med omsyn til personhistoriske og genealogiske undersøkingar i mellomalderkjeldene.⁵⁶ Ein må dessutan hugsa på at mellomalderheraldikken for ein stor del er ein fargelaus heraldikk i motsetnad til meir moderne heraldikk. Særskilt er dette tilfellet med våpenmerker i segl. Sjølv om seinare genealogar og heraldikarar, særskilt på 1600- og 1700-talet, samla saman såkalla våpenbøker over det norske og danske aristokratiet med hundrevis av sider med fargelagte våpen, er det slett ikkje sikkert at farge-setjinga, eller tinkturane som det heiter i heraldisk terminologi, har mykje med verkelegheita å gjera. For mange av dei fargelagte våpenskjolda i desse våpenbøkene, kan det provast at førelegget må ha vore våpensegl, og der fantest det ikkje fargar.⁵⁷

Heraldikken i form av våpenskjoldheraldikk kom truleg for fullt til Noreg nettopp i samband med seglbruken. Likevel må ein rekna med at våpenskjold og heraldikk var kjent i Noreg ei god stund før vi har overleverte verdslege segl med våpenmerker i. Framveksten av den høviske kulturen ved hoffet til Håkon Håkonsson (1217–1263), og til dømes omsetjingane til norrønt av mange av riddarsogene i denne tida, har nok ytt sin skjerv til utbreiinga av dette fenomenet. Til dømes finn vi i *Biðriks saga af Bern*, som truleg vart omsett til norrønt ved det norske hoffet på denne

54. For Danmark, sjå Thiset og Petersen 1977; Prange 1977, s. 13, 33 og 47–49; Weidling 1995b, s. 110–111. Grandjean 1944, s. 199, hevdar at eit segl med eit bumerke, berre med visse unnatak, «betegnende den uadelige Mand». Frå Noreg kan eg dessutan nemna eksempel på det eg vil kalla bokstavsegl hjå «adelspersonar», til dømes hustru Brynhild Josefsdotter (*NøSigV*, nr. 1136) og Eiliv Eilivsson av Naustdal-ætta (sjå *NøGL IV*, s. 378; av ein eller annan grunn er ikkje dette seglet med i *NøSigV*. Seglet til Eiliv Eilivsson er attgjve i fig. 92 på s. 351 i denne avhand-linga).

55. Grandjean 1944, s. 129–199.

56. B. Hildebrand 1961, s. 222.

57. Av slike våpenbøker finnest det mange i København, både i Det kongelige Bibliotek (t.d. Thott 1895 4^{to}, Een samling gamle norske vaabener, som er ei norsk våpenbok med i alt 209 fargelagte våpenteikningar) og i Rigsarkivet (mange i Håndskriftsamlingen, mellom anna i samlingane etter Genealogisk-Heraldisk Selskab). Desse våpenbøkene er generelt lite utforska, og ein kunne truleg fått mykje ny kunnskap berre ved å kartleggja det innbyrdes tilhøvet mellom dei mange forskjellige, men innhaldsmessig framleis nokså like norske våpenbøkene.

tida,⁵⁸ detaljerte skildringar av våpenskjolda til kong Þiðrek og mange av mennene hans.⁵⁹ Om Hornboge jarl vert det mellom anna fortalt at han

hafði skioldd oc alla hæmeskiu með brunum lit. a hans vapnum var marcaðr haucr af gulli. oc fyrir honum fleuga .ij. fuglar. oc þat sama marc hævir hans sun avmlungr. þat markar hans uapna litr oc þessi skrifan riddara skap oc sua sem opt fleuga .ij. fuglar fyrir haukum. sua opt atti hornbogi jarll æptir at riða sinum ovinum með sua snaran hug. oc sua fleota ferð með sinn hin goða hæst at þat ma iafnaz við havkin.⁶⁰

Her får vi både ei skildring av våpenmerket med tinkturar, så vel som ei forklåring på kvifor han bar nettopp dette merket. Samstundes får vi ei understreking av at heraldikken på 1200-talet slett ikkje hadde dei same rigide reglane som seinare tids heraldikk fekk, ettersom brunt ikkje er ein akseptert farge mellom tinkturane i nyare heraldikk.⁶¹ Ei vanleg misoppfatning om våpenskjold, ikkje minst i samband med slektsrelasjonar, er at desse gjekk i arv – at sonen førte det same våpenet som faren. Sjølv om dette ikkje var uvanleg, er det vel så vanleg, særskilt til langt inn på 1300-talet i Noreg, og jamvel opp mot 1400, at nære slektningar førte heilt forskjellige våpenmerker.⁶² Dette medfører at ein skal vera varsam med å trekka for bastante konklusjonar om slektskap basert berre på våpenbruk. Like våpen *kan* indikera slektskap, men treng ikkje gjera det, medan ulike våpen ikkje indikerer noko som helst.⁶³ Den svenske historikaren og genealogen Hans Gillingstam har gjeve fleire eksempel på at adelsmenn har teke både namn og våpen frå morsætta, og jamvel også frå slekta til hustrua.⁶⁴ Våpenlikskap førekjem dessutan nokså ofte i patron-klient-relasjonar, i form av at ein mindre tydingsfull person knyter seg til ein mektigare person i eit klientforhold, og på bakgrunn av det vel eit våpen som anten er heilt likt eller i det minste nært opptil det våpenet som patronen fører.⁶⁵ I det heile er individualitet i våpenbruk noko som det er svært viktig å ta omsyn til.⁶⁶

Eit våpen eller våpenskjold skulle i hovudsak tena til identifikasjon av bæraren, og difor måtte det vera både enkelt og tydeleg. Våpenet er sett saman av to hovudelement: figurane og fargane.⁶⁷

58. Halvorsen 1958a, sp. 74.

59. *Þiðriks saga af Bern*, bd. I, s. 326–347.

60. *Þiðriks saga af Bern*, bd. I, s. 332–333.

61. Jf. t. d. Prange 1977, s. 8–10.

62. Til dømes i Hestbø-ætta: Ogmund Sigurdsson (*NóSigV*, nr. 20) og sonen Ivar Rova Ogmundsson (*NóSigV*, nr. 450); i Bjarkøy-ætta: Bjarne Erlingsson (*NóSigV*, nr. 2) og brorsonen Erling Vidkunsson (*NóSigV*, nr. 449); i Talgje-ætta: Gaute Erlingsson og sonen Isak Gautesson (Vigerust 2000, s. 10–12, nr. 3 og 9); i Spåneim-ætta: brørne Ogmund Petersson (*NóSigV*, nr. 96) og Ingemund Petersson (*NóSigV*, nr. 97). Det finnest mange fleire eksempel.

63. Jf. også Weidling 1995b, s. 111.

64. *Beretning: Foredrag og forhandlinger ved Det nordiske Historikermøde i København 1971*, s. 23.

65. Jf. Prange 1977, s. 7–8.

66. Sjø også Prange 1977, s. 32–43.

Våpenskjold vart forsynte med anten alminnelege eller heraldiske figurar. Den første gruppa femner omlag det same som alle kategoriane seglfigurar som Grandjean opererer med for sigillografien:⁶⁸ dyr, planter, våpen, verktoy, fantasivesen, menneske, og så bortetter. Den andre gruppa, dei heraldiske figurane, er meir abstrakte, og dei fleste av dei har egne spesielle namn i den heraldiske terminologien.⁶⁹ I tillegg vart skjoldet og figurane i det gjerne måla i forskjellige fargar. Ved målinga nytta ein seg av to hovudgrupper av fargar: metall (gull og sølv, ofte attgjeve som gult og kvitt) og fargar (i hovudsak raudt, blått, svart og grønt, av og til også oransje og purpur). Fellesnemninga for desse fargane er tinkturar. Ein av dei heraldiske reglane er at metall og farge alltid skal variera i eit våpen. Eit skjold må ikkje vera delt av gull og sølv eller av rødt og blå, men gjerne av gull og blå eller av rødt og sølv. På same måten skal alltid ein farge setjast på metall, eller omvendt. Ei løve i gull skal aldri ha ein bakgrunn av sølv, men i ein av fargane.⁷⁰ I heraldikken tyder høgre og venstre det som er høgre og venstre for skjoldberaren, som står bak skjoldet, og ikkje høgre og venstre for den som ser på skjoldet. For å unngå mistydingar nyttar dermed mange heraldikarar nemningane dexter (heraldisk høgre) og sinister (heraldisk venstre). Skjoldet vert gjerne inndelt i felt, nummerert først frå høgre til venstre, deretter ovanfrå og ned. Med omsyn til dei heraldiske figurane vil det som nemnt føra for langt å gå i detalj med dei i denne samanhengen. I denne avhandlinga er det i hovudsak i samband med våpenskildringane at den heraldiske terminologien og heraldikken vil verta nytta.

4.1.6 Typologi og kategorisering

Eg vil her kort forklåra typologien som vert nytta i dei følgjande kapitla for å kategorisera dei private jordeigarane i undersøkingsområdet. Kriteria som er nytta for kategoriseringa er mange, og i ein del av identifiseringane må naudsynleg til sjuande og sist byggja på mitt eige personlege skjøn. Slektstilhøyrse er eit viktig kriterium. Normalt gjev eg ein person den same sosiale statusen som slektingane sine, og dette kan til dømes verta vurdert ut frå statusen til samtidige slektingar, foreldregenerasjonen eller borna. Giftemål er eitt anna kriterium der personane normalt vi ha same sosiale status som ektefellen eller familien til ektefellen. Miljøet kan vera avgjerande, som til dømes kven personen opptrer saman med, kven personen utferdar eller medseglar brev saman med, og kva plass vedkommande har i rekkefølga av utferdarar, vitner eller innseglarar. Offentlege embeter

67. Pastoureau 1979, s. 100.

68. Grandjean 1944, s. 129–199.

69. For den nordiske terminologien, sjå Raneke 1987.

70. Prange 1977, s. 8–9.

og ombod av ulikt slag er eitt anna kriterium (sjå kap. 3.3.2). Andre kriterier kan vera storleiken på det samla godsinnhavet (t. d. sak 26 og 80); storleiken på proventet eller proventkjøpet; tiendekjøp (t. d. sak 160); kor mykje skatt ein person har betalt, særskilt i tiendepengeskatten (t. d. sak 167); titulaturar og rangnemningar (sjå kap. 3.3.2); seglføring (sjå ovanfor, kap. 4.1.5); om ein person er busett på ein gard som i tidleg nytid påviseleg er adeleg setegard eller eig ein gard som i tidleg nytid er adelsgods; innehav av byeigedom (t. d. sak 57). Fleire kriterier finnest sjølvstgått også, noko som kjem fram i teksten ved dei einskilde tilfella.

Fyrstelege personar er primært medlemmar av kongefamilien, eller hertugar og jarlar.

Aristokrati er nemninga eg nyttar for dei personane som kan reknast å tilhøyra det sosiale sjiktet som vil falla inn under termene adel, aristokrati, eller elite, anten det no er magnatar, lågadel eller klientadel. Baronar, riddarar og væpningar høyrer naturleg inn her, samt ein del andre personar som ikkje er nemnte med titlar, men som på andre måtar kan reknast til dette sosialsjiktet, til dømes ved bruk av våpenmerke i segla deira.

Lokal elite er nemninga eg har valt å nytta for det sosiale sjiktet som også femner den truleg nokså store gråsona som overlappar mellom aristokratiet på den eine sida, og «bønder og bymenn» på den andre. Lagrettemennene høyrer naturleg til i denne gruppa, men samstundes er det viktig å hugsa at ein del av dei som er tilskrivne den lokale eliten gjerne hadde passa like godt i å plassera i det lågare sjiktet av aristokratiet. Slik får denne gruppa delvis karakter av ein sekkekategori som kan femna både storbønder såvel som den seinare lågadelen, dersom det då verkeleg *var* eit skilje her.⁷¹ I realiteten er eigentleg ei slik gruppe ikkje mogleg å definera klårt – den er dermed udefinerbar. Men, som Timothy Reuter har peika på, må sjølv det udefinerbare definerast på eitt eller anna vis.⁷² For dermed å definera dette udefinerbare sjiktet må ein operera med ein diffus definisjon.

Bymenn er eigentleg ikkje noko sosialt sjikt i det heile, ettersom termen seier noko om kvar bustaden til ein person er, snarare enn noko anna. Eg har likevel valt å nytta nemninga om folk ikkje naturleg kan plasserast i andre grupper, som til dømes tyske og engelske kjøpmenn i Bergen.

«**Bønder**» er heller ikkje noko fornuftig nemning på eit sosialt sjikt, men som eg har sagt tidlegare er eg likevel nøydd til å nytta ei eller anna nemning for det sosiale sjiktet som finnest under adelen/aristokratiet/elitane (sjå s. 73).

71. Jf. Prange 1983.

72. Reuter 1997, s. 180.


Det geistlege aristokratiet er i første rekkje biskopar og kannikar, som ein med rimeleg grad av visse også kan rekna til det verdslege aristokratiet ettersom dei etter alt å døma vart rekrutterte frå dette sjiktet.

Dei **lokalgeistlege** utgjer det lågare sjiktet innanfor det geistlege hierarkiet, og kan truleg på mange måtar klassifiserast som det geistlege motstykket til dei lokale elitane. Truleg vart også mange lokalgeistlege rekrutterte frå dei lokale elitane.

Der det ikkje har vore mogleg å identifisera personane sosialt med ei rimeleg grad av visse, kjem dette fram fortløpande.

Før eg går i gang med sjølve identifikasjonsarbeidet, kan det også vera nyttig å setja inn eit par kart som viser undersøkingsområdet. Dette har eg gjort på dei to følgjande sidene.

Kart 1. Hordaland fylke. Kartet er utarbeidd av Jørgen Marthinsen, og er trykt i *NHL*, s. 387. Her attgjewe med løyve frå Marthinsen.



Kart 2. Sogn og Fjordane fylke. Kartet er utarbeidd av Jørgen Marthinsen, og er trykt i *NHL*, s. 388. Her attgjeve med løyve frå Marthinsen.



4.2 Einskildsaker

SAK 1: I *Fundatio Lysensis monasterii* frå kring 1300, får vi opplyst at **biskop Sigurd av Bergen** gav mykje jordegods («non mediocriter expendens») av sitt «patrimonium» ved fundasjonen av Lyse kloster i 1146. Han vert samstundes sagt å vera «Norrensiū quidem primorum nobili prosapia oriundus». ⁷³

Biskop **Sigurd** kan på bakgrunn av desse opplysningane reknast til både det geistlege og verdslege aristokratiet. Kor mykje jordegods det var tale om, kjem ikkje fram av kjelda. Men det er rimeleg at det meste av det var lokalisert i nærområdet til klosteret, og vel også inkluderte jorda som klosteret vart bygt på.

SAK 2: *Bergens Fundas* opplyser at jarlen **Erling Skakke** lova ved kroninga av sonen Magnus Erlingsson i 1163/64, at han skulle byggja Halsnøy kloster til bønehald for sonen sin, og sankt Augustinus til lov og ære. ⁷⁴

Denne opplysninga medfører også at **Erling Skakke** må ha lagt jordegods til fundasjonen. Eg meiner at det er god grunn til å halda opplysningane i *Bergens Fundas* for truverdige. Det er moment som tyder på at skrivaren av *Bergens Fundas* har hatt tilgjenge til arkivet til Halsnøy kloster, ettersom han kjem med fleire andre opplysningar som må stamma frå brev som det er rimeleg å rekna med har vore i klosterarkivet. Etter alt å døma var jordegodset som Erling Skakke donerte, sentrert rundt garden på Halsnøy som då vart utlagt til sjølv klosterbygningane, samt ei omfattande godssamling som var sentrert rundt den gamle lendmannsgarden Gjerde i Etne. Erling sjølv tilhørte denne lendmannsætta. ⁷⁵

SAK 3: Ein gong i funksjonstida si, mellom 1188 og 1223, utferda **Bjarne [Kolbeinsson]**, biskop av Orknøyane, eit gåvebrev. Han gjev garden Håland (Fja 75) i Dalsfjorden til Munkeliv kloster til sjelefrelse for sine foreldre, sine brør, frendar og vener. Villkåret for gáva er at **Agnes**, så lenge ho lever, skal ha 8 månadsmater kvar haust dersom garden vert bygsla bort for så mykje. Om landskylda vert mindre enn 8 månadsmater skal Agnes bera tapet, vert den meir skal munkane ha overskotet. Etter at Agnes er død skal klosteret ha garden. ⁷⁶

73. *Fundatio Lysensis*, s. 171, l. 5–6 og 18.

74. *Bergens Fundas*, s. 34 og 85.

75. Eg ser ingen grunn til å vera samd med Eldbjørg Haug når ho hevdar at Erling Skakke også grunnla klosteret på Utstein (Haug 2005b, s. 127–129). Det er ikkje noko som tyder på at Utstein kloster vart grunnlagt for siste halvdel av 1200-talet, jf. Eide 2006.

76. DN XII, nr. 2; RN I nr. 475.

Denne Agnes må vera ein slektning av biskopen, men korleis slektskapet var er uvisst. Sjølv var biskop Bjarne son av den norsk-orknøyske stormannen **Kolbein Ruga** og **Herborg**, oldebarn til orknøyjarlen **Pål Torfinnsson**.⁷⁷ Han tilhørte såleis det absolutte toppsjiktet innan det verdslege såvel som det geistlege aristokratiet.

SAK 4: I 1282 selde **Erling**, prest ved Mariakyrkja i Bergen, og brorson til **biskop Peter** [av Bergen], 3 mmb i Rossanes (Lin 117) til Munkeliv kloster for 3 mark brent, samt ½ mmb i Tansøya (Kinn 45).⁷⁸

Det er ikkje mykje ein veit om korkje Erling eller farbroren. Peter vart biskop på Færøyane i 1246, og etter at biskop Arne av Bergen døydde i 1256 vart han flytta dit i 1257. Han døydde i 1270.⁷⁹ Patronymet hans kjenner vi ikkje, og det finnest ikkje noko segl etter han. Erling er nok identisk med den sira **Erling Prande** i Mariakyrkja som var til stades ved ei eidsavleggjing kring 1301.⁸⁰ Han opptretr også som prest i Mariakyrkja då han vitnar eit gåvebrev frå biskop Askatin i 1271.⁸¹ På bakgrunn av plasseringa av jordegodset, kan det elles tenkjast eit slektskap til Ingeleiv Arnbjørnsdotter (sjå sak 7) og/eller Jon Ragnvaldsson (sjå sak 9). At Erling må reknast til aristokratiet på bakgrunn av tilhøyrslø til ei slekt som rekrutterer biskopar, er klårt.

SAK 5: 26. mai 1293, Aga i Ullensvang :Kunngjering frå Sigurd lagmann, Torolv på Jåstad, Peter på Spåneim og Jon prest om vitnemål og forlik om grinde- og gjerdeplikt, beitehald, fattiglegd og møllebruk. Det kjem fram at Lyse kloster eig ytre Bleie (Ull 52), og at sira **Nikolas prest, Ivar på Bleie, Gaute** og **Tormod**, med fleire, åtte odel i indre Bleie (Ull 50).⁸²

Kven desse odelseigarane i indre Bleie var er uklårt. **Nikolas prest** kan tenkjast å vera identisk med ein Nikolas prest i Vikøy som i 1316 utferdar ein rapport om vitneopptak.⁸³ **Gaute** og **Tormod** let seg ikkje identifisera nærare. **Ivar på Bleie** kan etter alt å døma reknast til den lokale eliten i Hardanger, då han i 1329 medseglar eit provsbrev og då sigillerer like etter lensmannen i Hardanger. I 1340 er han mellom dei som gjev jord til kyrkja på Opedal i Ullensvang (sjå sak 59).

77. Sjå *OrknFG*, kap. LXXXIV, samt *Ættaskrár* II og III. Jf. biografi i Mundal 1999.

78. *DN* XII, nr. 6; *RN* II, nr. 314.

79. Kolsrud 1913, s. 221.

80. *DN* I, nr. 122. Tilnamnet hans har det ikkje vorte funne ei forklaring på. Jf. *Norrøn ordbok*, s. 331; E. H. Lind 1930–1931, sp. 280.

81. *DN* V, nr. 7; *RN* II, nr. 91.

82. *DN* IV, nr. 6; *RN* II, nr. 725.

83. *DN* XI, nr. 7.

SAK 6: 25. november 1293: Kjøpebrev utferda av abbed [Eirik] i Munkeliv. Han har kjøpt 5 øyresbol i «Ryðsetr» (Vikøy, no forsvunnen) frå **Jon Kar**, slik at Jon eller arvingane hans i 6 vintrar skal gje landskyld til klosteret. I dei fire neste åra skal Jon ha innløysingsrett, men om den ikkje vert nytta skal garden til evig tid tilhøyra Munkeliv. Som pant på kjøpet stilte Jon 5 øyresbol i Mo (Vikøy 12).⁸⁴

Garden «Ryðsetr» har eg ikkje kunna identifisera nærare, og det verkar noko underleg at **Jon Kar** ser ut til å eiga (ein rett nok liten part) i Mo i Vikøy, ettersom Munkeliv kloster alt på slutten av 1100-talet makeskifta til seg nettopp garden Mo frå Kristkyrkja i Bergen.⁸⁵ Jon Kar opptre ikkje med dette namnet i andre kjelder, og let seg dermed vanskeleg identifisera sikkert. E. H. Lind reknar med at tilnamnet kjem av norr. *kárr*, krushåra, og på bakgrunn av det identifiserer han Jon Kar frå 1293 med ein bror i Halsnøy kloster som er kalla Jon *Crispus* (lat. for krølltopp) i eit brev frå 1327.⁸⁶ Eg er uviss på om dette er rett.

SAK 7: 26. juli 1295: Vitnebrev frå abbedane Arnfinn i Utstein og Jon i Halsnøy, og Sigurd, erke diakon på Hjaltland. Dei var til stades då abbed Eirik i Munkeliv kjøpte frå **Ingeleiv Arnbjørnsdotter**, med samtykke frå mannen hennar **Tjostolv**, 6 mmb i «Straumahuarue», nemleg 3 mmb i Verås (Lin 114) og 3 mmb i Sjurset (Lin 113), for 30 merker gjengs sølv.⁸⁷

Det er ikkje mogleg å identifisera seljarane sikkert, men på bakgrunn av plasseringa av jordegodset kan ein tenkja seg eit mogleg slektssamband med biskop Peter av Bergen (sjå sak 4). **Tjostolv** kan mogleg vera identisk med ein Tjostolv i Engelsgarden som opptre i 1293,⁸⁸ og/eller med ein Tjostolv Ribb som opptre 1303 og 1316.⁸⁹ Dette vert likevel berre spekulasjonar.

SAK 8: 9. august 1296: Salsbrev frå **Asbjørn Gyrdsson** og **Ingrid Torsteinsdotter**. Dei har selt til Munkeliv kloster så mykje som dei eig, 7 ½ mmb, i Espeset (helst Vik 32),⁹⁰ for 10 ½ mark gjengs sølv per mmb. Dei skal ha innløysingsrett.⁹¹

Meir er ikkje kjent om desse to.

84. DN XII, nr. 18; RN II, nr. 736.

85. DN VIII, nr. 2.

86. E. H. Lind 1930–1931, sp. 190; DN X, nr. 24.

87. DN XII, nr. 19; RN II, nr. 783.

88. DN XII, nr. 15.


89. DN II, nr. 67 (1303); N^gL III, nr. 49a og RN III, nr. 987 (1316).

90. Det kan også vera Espeset i Gaular i Sunnfjord (Gau 25), men ettersom Espesæte i Vik i Sogn også er Munkeliv-gods i tidleg nytid, medan Espeset i Gaular er krongods, er det mest truleg tale om garden i Vik i Sogn.

91. DN XII, nr. 20; RN II, nr. 824.

SAK 9: 18. oktober 1300: Salsbrev frå **Jon Ragnvaldsson** til Munkeliv kloster ved abbed Runolv: Han sel til klosteret sine jorder i Sunnfjord, 34 mmb i Sunde på Askrova (Kinn 46), 11 mmb i Espeset på Askrova (Kinn 44), 6 ½ mmb i Nes i Bru (no Eriksstad i Svanøy, Kinn 116), 6 mmb i Russenes på Bremanger (Vev 39?), bua for 2 månadsmatleiger i skrei eller lyse og skjæret for 40 skrei, Flora (Kinn 27) for 7 månadsmatleiger. Godset vert selt for 5 mark per mmb.⁹²

Til saman er det i dette brevet tale om heile 66 ½ mmb, samt skjæret, og som i sak 7, er det også her på bakgrunn av plasseringa av jordegodset mogleg å tenkja seg eit slektssamband med biskop Peter av Bergen (sjå sak 4). Alt i 1280 var **Jon Ragnvaldsson** riddar, og i 1282 er han nemnt gjaldker i Bergen. Med sitt noko kunstige skilje mellom verdslege stormenn på den eine sida og det forretningsdyktige tenesteelementet på den andre, reknar Knut Helle han til det sistnemnte. At han tilhørte aristokratiet er heva over ei kvar tvil, og i 1290-åra ser han ut til å ha vore mellom kongens næraste rådgjevarar.⁹³ Siste gong han er nemnt i live er den 10. desember 1305 då han er mellom garantane for kongen sine avgjerder om underhaldet av dronning Eufemia.⁹⁴



Figur 5. Seglet til Jon Ragnvaldson frå 1297 og 1300 (*NoSigV*, nr. 5)

SAK 10: 3. april 1301: Kjøpebrev frå abbed Runolv og alle brørne i Munkeliv. Dei har kjøpt 2 mmb i Bruland (Inn 80) i Utvik frå **Kåre Torsteinsson**, med innløysingsrett etter 10 år.⁹⁵

Meir har eg ikkje funne om seljaren, men kan henda er han ein slektning av proventkjøparen i sak 12.

SAK 11: 1301: Salsbrev frå **Åmunde Åleivsson**. Han har selt til Munkeliv kloster 4 mmb i Årbakka (Tys 133), for 6 merker brent, og fått full betaling. Han skal ha innløysingsrett etter 10 år.⁹⁶

Heller ikkje denne seljaren let seg identifisera.

92. *DN* II, nr. 58, jf. XII nr. 25; *RN* II, nr. 1047.

93. K. Helle 1972, s. 592–593.

94. *DN* III, nr. 61. Han er her baron og sigillerer like etter Bjarne Erlingsson, men framfor Sæbjørn Helgesson. Alle desse tre er forøvrig utegløynte i brevregesten i *RN* III, nr. 307.

95. *DN* XII, nr. 28; *RN* III, nr. 4.

96. *DN* XII, nr. 29; *RN* III, nr. 37.

SAK 12: 20. mai 1302: Gåvebrev frå **Bård Kåresson**. Han har gjeve til Munkeliv kloster 9 mmb i Bruland (Inn 80), som er hans gamle odel, og stova hans på nedre Flo (Stryn 7), mot provent i klosteret.⁹⁷

Rimelegvis har **Bård Kåresson** budd på Flo i Stryn då han eig ei stove der. Meir er det ikkje å seia om han, ut over det som er sagt under sak 10.

SAK 13: 4. april 1303, Jonsklosteret i Bergen: Vitnebrev frå abbed Peter i Jonskyrkja i Bergen. Han var til stades då **Torkjell Ogmundsson** selde til Munkeliv kloster 3 mmb i Kallestad (Bru 37) i Oster, for 12 kyr. Kona hans, **Ragnhild**, samtykte i salet av jorda som ho hadde arva etter barnet sitt.⁹⁸

Heller ikkje desse er mogleg å identifisera nærare.

SAK 14: 1303(?): Salsbrev frå **Sigurd Sigurdsson**. Han har selt til **Ivar Guttormsson** den garden som heiter «Rygh», for 35 mark og 2 øyresbol.⁹⁹

Ingen av dei involverte partane har vore mogleg å identifisera nærare, og det er også uklårt kor vidt garden det er tale om ligg i undersøkingsområdet. I Hordaland finnest det to gardar med namnet Rygg, ein i Etne (gnr. 44) og ein på Vossestrand (gnr. 70). I Sogn og Fjordane finnest det fire gardar med dette namnet, alle i Nordfjord (Hor 23, Glo 12, Breim 44 og Stryn 22).

SAK 15: [før 29. juli 1304], Bergen: Kunngjering frå abbed Runolv og brørne i Munkeliv. Det vart gjort forlik i **Peter bondes** søksmål mot klosteret om Skåseim (Bal 5). Peter skal ha 7 mmb i Stadeim (Vik 5) for 5 mark brent, som skal betalast innan olsok. Er ikkje pengane betalte då, skal munkane ha landskylda til hausten, men jorda skal tilhøyra Peter når som helst pengane vert betalte.¹⁰⁰

Eg har ikkje funne meir som kan hjelpa til identifikasjon av **Peter bonde**. Ettersom det er tale om jordegods i Sogn kan det moglegvis vera tale om Peter på Finne (sjå s. 208), men kan henda meir sannsynleg er det tale om den elles ukjende ektemannen til fru Åsa på Tønjum (sjå s. 359). Det er neppe tale om Peter på Sandvin (sjå s. 330) eller Peter Gudleiksson på Eide (sjå s. 300).

97. DN XII, nr. 30; RN III, nr. 46.

98. DN XII, nr. 32; RN III, nr. 78.

99. DN XXI, nr. 6; RN III, nr. 145.

100. DN XII, nr. 39; RN III, nr. 188, i DN datert til [august 1303–august 1304].

SAK 16: [1299–1305, før 15. mai]: Proventbrev utferda av abbed Runolv og brørne i Munkeliv. **Bergljot, Utyrms** kone, gav garden Hovland (Os 33), som er på 6 mmb, til Munkeliv kloster mot provent for brordottera si, Sigrid. Ho skal ha hus, mat ved bordet til handverkarane og helvta av deira måldrikke, og vidare skal ho gjera nytte for seg som best ho kan.¹⁰¹

Det tyder ikkje på særskilt høg status når det ser ut til at det er venta at **Sigrid** skal utføra arbeid.

SAK 17: 21. juli 1306, Bergen: Domsbrev frå Erling Åmundesson og Hauk [Erlendsson] lagmann i sak mellom abbed Einar i Munkeliv på den eine, og **Bård «slátusveinn»** og kona hans, **Sigrid [Styrkårsdotter?]**, om Håbrekke (Strb 55) i Strandebarm. Bård hevda at Sigrid hadde arva garden etter si mor **Tora** og hennar søster **Sigrid**, og førte to vitner på det. Men vitna kunne berre stadfesta at Tora, før ho døydde, hadde sagt at ho åtte garden. Abbeden førte då fram vitne som svor at dei var til stades då Tora, Styrkårs kone, og hennar søster Sigrid, den hausten Tora gjekk i provent i Munkeliv, gav garden til abbed Eirik [n. abbed 1276–1299] og klosteret mot klede for Sigrid resten av hennar levetid, av di ho var blind. Garden vart tildømt klosteret.¹⁰²

Etter jordeboka for Munkeliv kloster 1427 var garden på 6 mmb,¹⁰³ noko som på slutten av 1200-talet tilsvara mellom 24 og 30 mark forngild.¹⁰⁴ Gunnar Pettersen reknar med at den blinde søstera til **Tora, Sigrid**, vel også er proventkone i klosteret, og skriv at med same forholdet mellom betalinga for provent og for kleshald som i ei oppgåve frå 1343,¹⁰⁵ skulle dette betalast med 24 mmb jord. Vidare reknar han med at desse personane ikkje har tilhøyrt det ypperste sosialsjiktet.¹⁰⁶ Det siste er forsåvidt greitt nok, men det er vanskeleg å seia noko som helst om kva sosiale sjikt dei tilhørte. Tilnamn er vanskeleg å bruka som indikator på dette, og det finnest fleire eksempel på beint fram nedsetjande tilnamn hjå stormenn i mellomalderen. Det er dermed uråd å identifisera desse folka sosialt. Slik eg ser det seier heller ikkje denne tvisten frå 1306 noko som helst om at Håbrekke var betaling for proventopphald, men berre for kleshald for Sigrid så lenge ho lever.

SAK 18: 27. mai 1307, Bergen: Påbod frå Bjarne Erlingsson og Erling Åmundesson til Jon Koll om å retta seg etter den dommen som vart avsagt i saka mellom han og Erlend Unge. **Erlend Unge** hadde stemna brørne **Hollolv** og **Aslak Bjørnsson**, ved deira ombodsmann Jon Koll,

101. DN XII, nr. 26; RN III, nr. 243, i DN datert til omlag 1300. Jf. G. Pettersen 1992, s. 64.

102. DN XII, nr. 42; RN III, nr. 350.

103. DN XII, nr. 190, s. 156.

104. G. Pettersen 1992, s. 63, nr. 5.


105. DN II, nr. 255; jf G. Pettersen 1992, s. 70, nr. 31.

106. G. Pettersen 1992, s. 63, nr. 5.

av di han ikkje hadde fått dei pengane han hadde krav på for 5 mmb i «Vafwallastodom». Erlend vart tildømt full betaling forutan 3 forngilde mark for den skade Hollolv hadde påført han i ordskiftet mellom dei.¹⁰⁷

Det er uvisst kvar denne garden ligg, men dersom **Erlend Unge** her er identisk med den same som er nemnt på Voss kring 1300,¹⁰⁸ noko han truleg er, er det sannsynleg at det er tale om ein gard på Vestlandet. Ein Jon Koll opptre i Ryfylke i 1297 og 1322, og Asgaut Steinnes foreslår at det kan vera tale om garden Vølstad i Gjesdal (Gjesdal 18) i Rogaland.¹⁰⁹ Det finnest likevel fleire alternativ, mellom anna kan ein tenkja seg at det kan ha vore ei kraftig forvanskning av Ullestad på Voss. Men at Jon Koll er nemnt ombodsmann, skulle kunna tyda at garden faktisk ligg i Rogaland ein stad. Dei involverte partane, Erlend Unge og Bjørnssønene, har likevel helst hatt opphald på Voss, der Hollolv-namnet førekjem og der Erlend Unge kan plasserast. Meir om dei to Bjørnssønene har eg likevel ikkje funne, men Erlend Unge er i vitnebrevet frå 1303 nemnt i ein kontekst som skulle tyda på at han tilhørte aristokratiet.¹¹⁰ At stormannen Jon Koll opptre som ombodsmann for Bjørnssønene indikerer at dei også gjorde det.

SAK 19: 30. oktober 1309, Munkeliv: Vitnebrev frå Peter, abbed i Jonskyrkja, Gunntjov Frasse, Einar gotlending og Sigvat Kolbeinsson. Dei var til stades då **Audun Guttormsson** og kona hans **Ingeborg** selde 7 mmb i Mæleim (Ård 20) i Årdal i Sogn til abbed Einar i Munkeliv, for 28 mark i smør og mjøl, som dei skulle halda bryllaup for. Dei har rett til innløysing om 8 år.¹¹¹



Figur 6. Seglet til Audun Guttormsson i 1324 (NoSigV, nr. 132).

Audun Guttormsson er tvillaust identisk med væpnaren av same namn, som den 17. juli 1309 er mellom garantane ved fredstraktaten mellom Noreg og Danmark.¹¹² Etter alt å døma har han høyrte heime i Valdres, der han er mellom utferdarane av to brev i 1324.¹¹³ Kan henda fungerte han også som sylemann i nordluten av Valdres ei tid.¹¹⁴ Sambandet mellom Valdres og Indre Sogn var tett, ikkje berre i mellomalderen, men også langt

107. DN I nr. 110, jf. RN III, nr. 388 og 394.

108. DN XIII, nr. 2 (kring 1300); DN I, nr. 98 (1303).

109. Steinnes 1925, s. 6.

110. DN I, nr. 98. Erlend Unge er nemnt like etter Peter på Finne, men framfor folk som Bjørn Bukksson og Orm Kavle.

111. DN XII, nr. 44; RN III, nr. 627.

112. DN IX, nr. 82; RN III, nr. 595.

113. DN IV, nr. 159 og 160; RN IV, nr. 266, 267 og 269.

114. Jf. G. Munthe 1836, s. 120.

inn i nyare tid. På 1600-talet åtte framleis mange bønder i Valdres jord i Sogn, og omvendt, og Årdal stod her i ei særstilling.¹¹⁵

SAK 20: 30. juli 1312: Salsbrev frå **Steingrim på Skjelnes** og kona hans, **Birgit**. Dei har selt til abbed Einar i Munkeliv 3 mmb i Brekke (Strb 58) i Strandebarm, for 5 mark brent, med innløysingsrett.¹¹⁶

Noko meir er ikkje kjent om desse to, og dei er dermed vanskelege å plassera sosialt. Interessant er det likevel å sjå at det i 1314 opptre ei Ingebjørg på Skjelnes mellom utferdarane av takserings- og vitnebrevet i samband med skiftet etter Askjell Torkjellsson frå Øvrebø i Fjelberg (sjå s. 368), der ho er nemnt framfor personar som Peter på Sandvin og Sigurd på Torsnes. Det indikerer at i det minste Ingebjørg har tilhørt aristokratiet, og at det budde standspersonar på Skjelnes i si tid.

SAK 21: 18. januar 1314, Røynestrand i Granvin: Vitnebrev frå Arne, vikarprest i Kinsarvik, Val Tordsson, Orm Kavle, Sigurd Åmundesson, Bård på Ljono, Ogmund på Lekve og Tord Bårdsson, etter påbod frå kong Håkon [Magnusson]. Det var inngått forlik mellom **Svein Tordsson** og **Inga prestedotter**, slik at Svein skal ha Vinddal (Gra 104) mot at han og hans bror **Øystein [Tordsson?]** betalar Inga og sonen hennar, **Audun Grimsson**, 3 mark straks og 2 mark til fasten og 1 kyrlag til krossmesse. Øystein Halladsson godtok på Auduns vegne at denne ikkje skulle ha meir, av di han ikkje hadde bore sakskostnader og far hans hadde late jorda forfalla.¹¹⁷

Meir har eg ikkje funne om desse personane, og dei er dermed vanskeleg å plassera sosialt. Det at far til **Audun Grimsson** har late garden forfalla, kan tyda at han ikkje har brukt garden, og at det var hans oppgåve å sørge for at det sat folk på den. Ei prestedotter var heller ikkje noko dårleg gifte i Noreg, noko til dømes eit brev frå kring 1300 vitnar om.¹¹⁸ Alt i alt indikerer dette at **Inga prestedotter** og Audun Grimsson har tilhørt den lokale eliten, medan det er meir uvisst kva sosial status **Svein Tordsson** og broren **Øystein** hadde.

115. Sjå t. d. odelsjordebøkene i Statthaldararkivet samt i odelskattelistene i lensrekneskapane (RK, LR), alt i NRA.

116. DN XII, nr. 45; RN III, nr. 775.

117. DN XXI, nr. 13; RN III, nr. 884.

118. DN II, nr. 60; RN II, nr. 1071. Jf. E. Gunnes 1982, s. 31. Erik Gunnes siterer Geoffrey Chaucer i denne samanhengen: «A wyf he hadde, ycomen of noble kyn; The person of the toun hir fader was.» (Chaucer, *The Canterbury Tales*, l. 3942–3943 (The Reeve's Tale), etter Chaucer 1987, s. 79.) «Person» er det moderne «parson», altså prest.

SAK 22: 21. februar 1314, Bergen: Vitnebrev frå Atle, prest i Krosskyrkja, Olav prest Tordsson, Peter på Sandvin og Torstein Torbjørnsson. Dei var til stades då brørne **Arne Matre** og **Sørkve**, bror hans, søner til **Bård i Matre**, selde til **Peter Pålsson** på Augastad 4 mmb i Steinsletta (Kvi 134) og så mykje som dei åtte i notverpet som ligg ved osen ved Myklebust (Kvi 123) i Skåla kyrkjesokn, for 11 mark brent. Brørne skal ha innløysingsrett i 20 år.¹¹⁹

Arne Matre og **Sørkve**, samt far deira, **Bård i Matre**, har eg ikkje funne noko meir om, og dei kan dermed ikkje identifiserast nærare. Namnekombinasjonen Arne Bårdsson er heller ikkje uvanleg i første del av 1300-åra, noko som vanskeleggjer identifikasjon, men eg har ikkje funne nokon i Sunnhordland som kan vera aktuelle.



Figur 7. Seglet til Peter Pålsson på Augastad frå 1311–1312 (DRA, HSS, Jakob Langebeks samlinger, XV, Segl-tegninger, pk. 11, gr. 33c, nr. 36). Det er skanna frå ein svært dårleg kopi, men det gjev i det minste eit inntrykk.

Peter Pålsson på Augastad i Jondal er omtalt i seks dokument frå perioden 1306–1331, og opptrer fleire gonger i offentlege ombod på lokalplanet. Saman med seglet hans, som er kjent frå eit brev frå 1311–1312 i Markus Schnabels avteikning, reknar Tore Vigerust med at han kan plasserast mellom dei handgangne mennene til kongen,¹²⁰ noko eg finn rimeleg. Det fører han inn i aristokratiet.

SAK 23: 26. februar 1314: Salsbrev frå **Erlend** og kona hans, **Disa**. Dei har selt til **Vigdis, Odds** kone, 11 mmb i Soldal (Vikøy 47) i Øystese sokn, for 22 mark brent, med innløysingsrett etter 10 år.¹²¹

Eg har ikkje funne meir om nokon av dei involverte personane, men sjølv brevet er innført i brevboka til Munkeliv kloster i Bergen,¹²² slik at det må vera tale om det same godset som klosteret seinare eig i garden. Korleis det har kome til klosteret er derimot meir uvisst.

SAK 24: 19. juli 1314, [Bergen]: Pantebrev frå **Grim Ormsson**, kannik i Apostelkyrkja i Bergen, og hans bror **Torgeir Pils [Ormsson]**. Dei har pantsett til abbed Einar i Munkeliv 4 mmb i «Spertadale» (vel Gra 84?) i Granvin sokn i Angr for 4 brente mark. Ved innløysing skal ein rekna 9 laup smør eller 9 huder per mark brent.¹²³

119. DN VIII, nr. 47; RN III, nr. 885.

120. Vigerust 1999c, s. 56. Jf. L. Hamre 1978, s. 389, som tolkar seglet som eit blåmannshovud, og som kan vera «ei minning om ei krossferd i tidlegare tid».

121. DN XII, nr. 48; RN III, nr. 886.

122. *Munkeliv brevbok*, s. 142.

123. DN XII, nr. 49; RN III, nr. 898.

18. oktober 1323: Salsbrev frå **Torgeir prest Ormsson**. Han har selt til abbed Ivar og Munkeliv kloster 5 mmb i Skaftedal (Gra 84) i Granvin sokn i Hardanger, med rett til innløyising etter 8 vintrar.¹²⁴

Grim Ormsson er nemnt første gong i dette brevet frå 1314. Garden «Spertadale» er rimelegvis identisk med Skaftedal som bror han sel i 1323. Ut over dette er Grim Ormsson kraftig involvert i striden mellom biskop Audfinn og kannikane i Apostelkyrkja om Fana kyrkje i 1319, og han vart jamvel ekskommunisert av biskopen den 2. november 1319, men ekskommunikasjonen vart løyst tre veker seinare.¹²⁵ I 1320 og 1322 er han også nemnt prebendarius i Nidaros og er erkebiskopens utsending til Orknøyane.¹²⁶ Kannikembetet medfører at han må reknast til det geistlege aristokratiet.

Torgeir Pils Ormsson er tvillaust identisk med den Torgeir prest Ormsson som sel Skaftedal i 1323. Ut over desse to breva her, kan eg ikkje sjå at han opptre i kjeldene. Eg vel å rekna han til dei lokalgeistlege.

SAK 25: 15. mars 1315, Bergen: Vitnebrev frå Eindride lagmann, Gunntjolv Frasse, Torfinn [Sigvaldsson] i Grauten, Åmunde i Drotninggarden, Tor Gunnarsmåg og Jon Falkener: Dei var til stades då herr **Serk på Grotle** selde 1 spann mindre enn 5 mmb i Tindeland (Vikeb 1) i Vikebygd sokn i Ålfjorden, og 1 spann og 1 mmb i Birkeland (Vikeb 10?) ved Strand til **Torleiv Saksson**, for 28 gilde merker smør, som han har motteke, utan innløyisingrett.¹²⁷

Herr **Serk på Grotle** var riddar, og busett på Grotle i Bremanger. Asgaut Steinnes meinte at det måtte vera same mann som i 1309 og 1311 er nemnt som herr Serk på Austrått,¹²⁸ men dette er usikkert. Det ser nemleg ut til at det på denne tida levde to riddarar med namnet Serk. Ein riddar **Serk Petersson** medseglar fredstraktaten med Danmark i 1309,¹²⁹ medan ein riddar **Serk Sams-son**¹³⁰ opptre i Bergen i 1303 eller 1304.¹³¹ Kven av desse to som er identisk med Serk på Grotle er vanskeleg å avgjera, men det er heller ikkje av vekt i denne samanhengen. Serk på Grotle er tvillaust identisk med den herr Serk som er nemnt fleire gonger i *BK*. Til kyrkja på Grotle er han sagt

124. *DN XII*, nr. 64; *RN IV*, nr. 247

125. *DN IV*, nr. 131–137; *RN III*, nr. 1138–1141 og 1144–1147. Jf. Bagge 1970, s. 48–49; L. Hamre 1970, s. 60–61, og note 29 på s. 71; Bagge 1976, s. 122–123 og 155.

126. *DN IX*, nr. 86 og 89 (1320); *DN VII*, nr. 97 (1322). Jf. B. Crawford 2003, s. 148–149.

127. *DN II*, nr. 122; *RN III*, nr. 919.

128. Steinnes 1971, s. 40.

129. *DN IX*, nr. 82; *RN III*, nr. 595.

130. Ikkje Samsønsson slik han har vorte omtalt. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 868.

131. *DN XII*, nr. 39; *RN III*, nr. 188.

å ha gjeve den tredje skjettingen i Nøtsæt (Brem 28), medan presten på Grotle fekk ein annan skjetting i Nøtset, 4 [laup] og 2 settingar i indre Grotle (Brem 11–12) samt 9 ½ tveitesleige i ytre Reksta (Kinn 40–41).¹³² Han har såleis ått jord både i Sunnfjord og i Sunnhordland. Han var tvillaust gift med den fru **Ægeleiv**¹³³ som også er omtalt fleire stader i *BK*. Til kyrkja på Grotle gav ho 1 mmb i Andalen (Kinn 21), medan presten same stad fekk 2 laup i Andalen.¹³⁴ Kyrkja i Innvik i Nordfjord fekk 1 månadsmatleige i Berrsaete (Inn 96),¹³⁵ noko som kan indikera at ho var frå Nordfjord.¹³⁶

Torleiv Saksesson har eg ikkje funne omtalt i andre kjelder, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 26: 31. mars 1317, Dale i Bruvik: Vitnebrev frå Andres Pålsson om arveskiftet etter **Sigurd Tanne** bonde mellom borna i hans første ekteskap med **Gudrid, Bjarne** og **Gunnhild**, og borna i hans andre ekteskap med **Sigrid, Trond** og **Hallgjerd**. Sigrid var i live når skiftet vart halde, men borna Trond og Hallgjerd var representerte ved ombodsmennene Guttorm på Bolstad og Halldor Erlingsson. Gunnhild var gift med ein **Steingrim** («bonda hennar»).

Bjarne og Gunnhild fekk 7 mmb i nedre tunet i Væle og 5 mmb i øvre tunet i Væle (Eva 58), 8 mmb i Fadnes (Eva 18), 3 mmb i Mæstad (Eva 21), 1 ½ mmb i ytre Bjørgo (Eva 14), 1 ½ mmb og 1 spansbol i Tuft (Eva forsv).

Trond og Hallgjerd fekk 9 ½ mmb i Dale (Bru 33), 8 mmb i indre Bjørgo (Eva 14), 5 mmb i Nakken (Eva 60), 3 mmb i Oppeim (Voss 3).

I morsarv fekk Bjarne og Gunnhild 5 ½ mmb i Oppeim (Voss 3), 5 mmb i Hærnes (Eva 59). Og 10 mmb jordegods som far deira hadde gjeve dei då dei reiste heimanfrå og var morsarven deira, la dei no tilbake til buet for å skiftast.

For dei 24 kyrlag som Bjarne hadde heimanfrå i lausøyre, og dei 12 kyrlag som Gunnhild hadde, tok Trond og Hallgjerd derimot 20 kyrlag i buet, og alt anna smått og stort skulle skiftast jamt mellom syskena. Bjarne og Gunnhild skifta deretter jordene seg i mellom på denne måten: Bjarne fekk 5 ½ mmb i Oppeim, 7 mmb i nedre tunet i Væle, 8 mmb i Fadnes, 3 mmb i Mæstad, 1 ½ mmb i ytre Bjørgo [til saman 25 mmb].

Gunnhild fekk 5 mmb i Hærnes, 5 mmb i øvre tunet i Væle, 1 ½ mmb og 1 spansbol i Tuft [til saman 11 ½ mmb 1 spansbol].¹³⁷

132. *BKMunch*, s. 20–21; *BK*, pag. 17b–18a.

133. Steinnes 1971, s. 34 og 37.

134. *BKMunch*, s. 20–21; *BK*, pag. 17b–18a.

135. *BKMunch*, s. 13–14; *BK*, pag. 8b–9a.

136. Sjå Steinnes 1971 for meir om dette.

Det totale jordegodset som fall på **Bjarne** og **Gunnhild** var 36 ½ mmb 1 spansbol (både fars- og morsarv), medan det som fall på **Trond** og **Hallgjerd** var 25 ½ mmb i rein farsarv. **Sigurd Tanne** har dermed ått meir enn 50 mmb jordegods åleine, noko som må reknast for å vera ei relativt stor jordegodssamling. Ein kan dermed rekna han til i det minste å ha vore ein del av den lokale eliten.¹³⁸

SAK 27: 23. april 1317, Stavanger: Vitnebrev om testamente frå Olav Sigurdsson, kannik i Nidaros, Håkon Halldorsson og Vidar Steinarsson, kannikar i Stavanger, Gudbrand [prest] ved Sjelealteret og Aslak Brattsson. Dei var til stades då **Kolbein smed Hallsteinsson** testamenterte 2 ½ mmb i Aksnes (Kvam 3–4) i Vikøy sokn i Bergen bispedøme, med 2 ½ laup smør i landskyld til Stavanger domkyrkje for evig bønehald. For det arbeidet Kolbein gjorde for bispesetet i biskop Torgils (biskop i Stavanger 1255–1276) og biskop Arnes (biskop 1277–1303) tid, gjev biskop Kjetil han plass ved kjertesveinanes bord i bispegarden alle hans leve-dagar.¹³⁹

Rimelegvis har **Kolbein** vore bymann og smed i Stavanger.

SAK 28: 28. juli 1318, Tunsberg: Gåvebrev frå kong Håkon Magnusson til Mariakyrkja i Oslo: Får Audunargard på Stranden i Bergen utanfor Jonskyrkja, den som **Hauk Erlendsson** åtte før. Kanslaren Ivar Olavsson og hans etterfølgjarar skal ha ¼, prestane ⅜, og like mykje skal gå til vedlikehald av kyrkja.¹⁴⁰

Hauk Erlendsson var islending, og son av lagmannen Erlend Ólafsson sterke († 1312) som kan ha vore av norsk opphav. Hauk var først lagmann på Island som faren, men i 1302 opptretr han som lagmann i Oslo, og frå 1303 er han lagmann i Gulatingslag, ei stilling han har til 1322. Seinast i 1306 er han riddar. Truleg levde han resten av livet sitt i Bergen til han døydde i 1334.¹⁴¹

SAK 29: 28. oktober 1318: Jordeboksnotis i Bergens Kalvskinn om at helvta av den åttedelen av Bolstad (Lus 20) som **Peter Erlendsson** kjøpte for 2 kyr, var gjeve til presten [i Fortun].¹⁴² Ein annan stad i *BK* er det sagt at presten på Dale fekk helvta i åttungen i Bolstad som Peter Erlendsson kjøpte for 2 kyr.¹⁴³

Det har ikkje lukkast å identifisera **Peter Erlendsson** nærare.

137. *DN* I nr. 149, jf. *RN* III, nr. 1016.

138. Jf. Y. Nielsen 1880b, s. 38.

139. *DN* IV, nr. 119; *RN* III, nr. 1017.


140. *DN* II, nr. 133; *RN* III, nr. 1068.

141. Magerøy 1993, s. 93–94; N. V. Johansen 2001, s. 163.

142. *DN* XV, nr. 6; *RN* II, nr. 1075.

143. *BK*, pag. 36b–37a; *BKMunch*, s. 39–40.

SAK 30: 4. februar 1320, Tunsberghus: Testamente frå [herr] **Bjarne Audunsson**. Det meste av jordegods gjeld Austlandet og Agder, men det finnest eit par innførsjar som omhandlar Vestlandet også. Til sin måg i Bergen, **Tormod Sveinsson**, eller hans søster om han er død, gjev han sin bygard på Stranden i Bergen, med dei skilord at garden skal seljast og at Tormod eller hans søsken skal betala 1 mark brent sølv som Bjarne er skuldig Apostelkyrkja. Det som vert til overs skal Tormod eller hans søsken behalda. Like etter dette står det «oc giffuer Jegh oc Sigmunde nes».¹⁴⁴



Figur 8. Seglet til Bjarne Audunsson, kjent frå 1308–1320 (*NoSigV*, nr. 45).

Brevet inneheld ein del feilskrivningar ettersom det berre er kjend gjennom ei vidisse frå 1555. Eitt spørsmål er korleis ein skal tolka «Sigmunde nes». Det er to alternativ: anten gjev han ein gard Nes til ein mann Sigmund, eller så gjev han ein gard «Sigmunde nes» til mågen sin **Tormod Sveinsson**. Det siste synest for meg å vera den rimelegaste tolkinga, og ettersom den vert gjeven til mågen hans i Bergen, er det også rimeleg å leita i området rundt Bergen etter denne garden.¹⁴⁵ Den som då peikar seg ut er garden Simmenes (Bru 44) i Bruvik. Denne garden er både i 1647 og 1661 omtalt som krongods,¹⁴⁶ og den var truleg bispegods ved utgangen av mellomalderen.¹⁴⁷ Det er såleis inkje i vegen for at garden kring 1320 var i eiga til Bjarne Audunsson. Sikker kan ein likevel ikkje verta. **Bjarne Audunsson** må klårt reknast til aristokratiet,¹⁴⁸ og det same gjeld mågen hans.

SAK 31: 15. juni 1320: Gjelds- og pantebrev frå **Eirik Andresson** på Fet. Han har motteke 65 laupar frå abbed Einar i Munkeliv, som skal betalast attende innan 3. august, 5 i huder og resten i smør. I motsett fall skal abbeden ha 3 mmb i Vindedal (Lær 41) og fritt rå for bortbygslinga til gjelda er betalt.¹⁴⁹

Rimelegvis er **Eirik Andresson** busett på garden Fet i Hafslo i Sogn (Haf 19), ein gard som seinare i mellomalderen og inn i tidleg nytid er eit adelssete. Omlag 150 år etter dette brevet, møter vi dessutan ein annan Erik Andersson på Fet. Han var riddar og gift med ei Margrete Ivarsdotter.¹⁵⁰ Dette

144. DN XVI, nr. 2; RN IV, nr. 9.

145. Utgjevarane av RN identifiserer derimot garden som Sonstenes i Lom i Gudbrandsdalen, jf. RN IV, s. 479 og 485.

146. Jf. *Skem 1647 Hordaland*, s. 343.

147. Kvamme 1981, bd. II: 1, s. 94.

148. Knut Helle har skrive ein kort biografi i *NBL2*, bd. 1. Jf. dessutan rulleblad i K. Helle 1972, s. 599–600.

149. DN XII, nr. 57; RN IV, nr. 48.

150. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 101: «anno 1471 bode en anden ridder paa Fid, hed her Erich Andersen, hans frue fru Margrete Iffuersdotter.».

kan vera ein indikasjon på at ein også bør rekna den eldre Eirik Andresson til aristokratiet. Kva Eirik Andresson skulle bruka omlag eitt tonn smør til,¹⁵¹ kan ein også spørja seg om. Det har neppe vore tenkt til privat bruk. Snarare er det rimeleg å rekna med at Eirik Andresson har vore ombodsmann i Sogn for ein eller annan institusjon, og lånte smøret frå abbeden i Munkeliv for til dømes å betala landskyld utan at han trong frakta betalingsmidla heile vegen frå Sogn i første omgang.

SAK 32: [omlag 1320]: Testamente for **Torfinn i Henriksgarden** [i Bergen]. Han vel seg gravstad i Thomas-stuken i Kristkyrkja i Bergen, og gjev dit 4 mmb i Grøning i Haukedalen (Før 3), med meire, samt 2 mmb i same garden på villkår at **Gunnhild** mi (truleg kona hans) får verta gravlagt same stad. Ut over dette gjev han gåver, mest pengegåver, til geistlege og til mange kloster og kyrkjer i Bergen.¹⁵²

På bakgrunn av kor mykje han ser ut til å rå over, må ein rekna **Torfinn i Henriksgarden** til dei økonomisk betrestilte i Bergen. Mellom dei gåvene han testamenterer bort, er eit belte («linda-bindi») som han hadde fått av ein herr Einar (moglegvis Einar i Hildugard, sjå s. 388). Det tyder i det minste på samband med aristokratiet.

SAK 33: [1318–1321]: Jordeboksnotis i Bergens Kalvskinn. **Gunne på Eide** gav i [Bolstad (Lus 20)] 1 ½ mmb for 16 månadsmater slik at sira Bjørn [på Fortun] la til 3 månadsmater av kyrkjegodset. Denne jorda skal liggja påkjærelaust («omagada laust») i 6 vintrar, og sidan skal Gunne og hans arvingar ha innløysingsrett for så mykje som kyrkja gav.¹⁵³

Ut over dette har eg ikkje funne noko om **Gunne på Eide**.

SAK 34: 1321[?], [Lærdal?]: Jordeboksnotis frå Bergens Kalvskinn. **Halldor Bonde** avstod [til kyrkja på Rikeim] 3 mmb i midtgarden på Grøtane (Lær 13). Til stades var sira Simon Ivarsson, Hermund på Mo, Halldors son Nikolas, Bjørn i Kvamme, Sigmund i Åsgard, Hallvard Rudamåg og mange andre gode menn.¹⁵⁴

Halldor bonde på Rikeim er ved sidan av dette, i *BK* sagt å ha kjøpt 1 månadsmatleige i Kvamme under «øyra borghi» (vel Bor 3/20), samt 1 mmb i Rikeim (Lær 8) til kyrkja på Rikeim.¹⁵⁵ Noko meir har eg ikkje funne om han, men trass i at han ikkje er omtalt med nokon tittel, kan det tenkjast at han var gift med den fru **Gunnhild på Rikeim** som i *BK* er sagt å ha gjeve 1 mmb i midtre tunet

151. Ein laup smør er 15,43 kilo (jf. Steinnes 1936, s. 95), og multiplisert med 65 vert dette 1002,95 kilo.

152. *DN* VII, nr. 94; *RN* IV, nr. 95.

153. *DN* XV, nr. 6.

154. *DN* XV, nr. 7; *RN* IV, nr. 139.

155. *BK*, pag. 41b–42a.

i Ljosne (Lær 9–11) ssamt fire kyr for 1 mmb i Børkjane (Lær 3–4) til kyrkja på Tønjum [i Lærdal],¹⁵⁶ forutan 1 ½ [mmb] i Raneim i Valdres til kyrkje på Rikeim.¹⁵⁷ Eit slikt ekteskap vert likevel ikkje meir enn ei gissing. Eg drøftar seinare om denne fru Gunnhild på Rikeim kan vera identisk med Gunnhild Petersdotter, som truleg var dotter til fru Åsa på Tønjum (sjå s. 359). Gunnhild må i det minste reknast til aristokratiet på bakgrunn av fruetittelen, medan Halldor ikkje er mogleg å identifisera sikkert.

SAK 35: 19. januar 1324, Bergen: Takseringsbrev frå Eindride Simonsson, lagmann i Bergen, Jon lagmann i Ryfylke, Torgeir Tovesson, Jon Falkener, Einar i Hildugard og Magne på «Eyrum». Dei var til stades i loftet til **Svein bonde i Grisen** og takserte det godset han gav si dotter **Gunnhild** i heimanfølgje, lausøyre for til saman 75 ½ mark 1 ½ øre (å 8 örtugar for smøret). **Jon Josteinson** gav Gunnhild i tilgåve jord til 6 mark gull i Bala (Bal 10) i Tjugum sokn i Sogn.¹⁵⁸

Svein bonde i Grisen opptrer også i kjeldematerialet som **Svein klerk**, og i eit brev frå 1328 vert han sagt å ha vore underfehirde i kongsgarden i Bergen, forutan at han hadde nekta å svara tiende av sine gardar i Bergen.¹⁵⁹ Dette medfører at han må reknast til aristokratiet, og han opptrer då også fleire gonger i det som må reknast for eit aristokratisk miljø.¹⁶⁰ Den etter måten store heimanfølgja som dottera **Gunnhild** får er også ein indikasjon på høg sosial status. Dette medfører også at **Jon Josteinson** må reknast til dette sjiktet. Han opptrer dessutan som brevutferdar i Bergen i 1326, som brevvitne i 1327, og nok ein gong som brevutferdar i 1349.¹⁶¹ Den siste gongen er han nemnt etter rådmennene i Bergen.

SAK 36: 4. januar 1325: Vitnebrev frå abbed Arne i Lyse og Hall prest på Fana. Dei var til stades då **Orm bonde** i Lepsøy (Os 31), med samtykke frå si hustru, **Jorunn**, selde til Munkeliv kloster 2 mmb i Åkre (Var 16) på Varaldsøy, for 4 mark brent.¹⁶²

Ingen av desse to er kjende frå andre kjelder. Det kan likevel vera grunn til å gissa på at Orm er den same som den **Orm bonde** som i 1342 kjøper provent hjå domkapitlet i Stavanger for 60 mark forngilde i garden Grødeim i Randaberg.¹⁶³ Koplinga til Stavanger vert meir truleg når vi møter ein

156. BK, pag. 40b.

157. BK, pag. 41b–42a.

158. DN V nr. 69; RN IV, nr. 268, datert i DN til uviss dag 1323.

159. DN IX, nr. 100; RN IV, nr. 581. Jf. J. Helle 1971, s. 18–19; G. Solberg 1975, s. 129–130.

160. Til dømes ved taksering av heimanfølgje i august 1328 (DN II, nr. 165; RN IV, nr. 611).

161. DN I, nr. 186 (1326); DN X, nr. 21 (1327); DN III, nr. 265 (1349).

162. DN XII, nr. 65; RN IV, nr. 321.

163. DN IV, nr. 263.

Sigurd Ormsson i Lepsøy, som i 1321 sel 4 ½ stinne mmb i garden Vatland i Ryfylke til Munkeliv kloster. Dette kan knapt vera andre enn far (eller eventuelt son) til Orm bonde i Lepsøy. Dette indikerer i det minste at dei må ha tilhøyrt eit elitesjikt ut over det reint lokale, men kor vidt ein skal rekna dei til aristokratiet er meir uvisst. Eg vil dermed klassifisera dei til den lokale eliten i denne omgang.

SAK 37: 26. april 1325, Bergen: Vernebrev frå kong Magnus [Eriksson] for sira **Sigurd [Torsteinsson?]**, prest i Gjerde [sokn i Etne], og hans bror **Hallvard Torsteinsson** med kone og barn og begge brørnes gods i både jord og lausøyre. Syslemenn, lagmenn og handgangne menn får påbod om å hjelpa dei i alle saker, og dei som forurettar dei skal bøta 8 mark i brevbrot. Brevet er gjeve til dei «til styrks ok frialses», og er sigillert av kongen sjølv samt drottseten Erling Vidkunsson.¹⁶⁴

Brevet har, med unnatak for at det manglar gåve i jordegods, tilnærma identisk ordlyd med vernebrevet for den jemtske lågadelsmannen Skjeldulv Botolvsson frå 1364.¹⁶⁵ Bruken av ordet frelse i brevet må tyda på eitt eller anna privilegium, då helst eit skattefritak, sjølv om dette ikkje er sagt rett ut. Eg vil rekna dette brevet som prov godt nok på at desse to brørne må minst reknast til eit lokalt elitesjikt. Ingen av desse to er kjende frå andre kjelder.¹⁶⁶

SAK 38: [26. august 1324–25. august 1325]: Vitnebrev frå Gjonabjørn ogrsson: **Torleiv [påd]alen** har kjøpt av **Eirik** ein gard eller gardpart («Brudavig», bakpå med noko yngre hand) i Hamre kyrkjesokn [i Nordhordland] for 13 mark i rug og Eirik eller far hans skal ha innløysingsrett.¹⁶⁷

Ingen av desse let seg identifisera nærare.

SAK 39: 8. juni 1328, Os: I brev frå biskop Audfinn av Bergen er Nonneseter kloster, prestane på Fana og Framnes (Os), samt **bøndene i Samdalen**, nemnte som grunneigarar og retts-havarar til fisket i Oselva ved sidan av Lyse kloster.¹⁶⁸

Dette er det eldste brevet i mitt materiale som eksplisitt omtalar bønder som moglege grunneigarar og/eller retts-havarar til fiske, men det er vanskeleg å seia sikkert om det verkeleg er tale om bøn-

164. DN XVIII, nr. 6; RN IV, nr. 338.

165. DN XXI, nr. 116.

166. Ståle Dyrvik skriv i bygdeboka for Etne at det må «liggja ein konkret konfliktsituasjon attom» dette brevet (Dyrvik 1968, s. 316), men eg kan ikkje sjå at brevteksten inneheld noko ut over standardformularet som tilseier at dette har vore tilfellet.

167. DN X nr. 15; RN IV, nr. 365.

168. DN VIII, nr. 83 og 84; RN IV, nr. 593 og 594.

dene i Samdalen som jordeigarar/grunneigarar, eller om dei berre skal sjåast på som rettshavarar til fisket i Oselva.

SAK 40: 22. august 1328, Hatteberg i Kvinnherad: Vitnebrev frå Sigurd Galte og Torleiv Erlingsson. Dei var på Hatteberg då arven vart skifta etter **Sigurd på Fet** og kona hans **Arnbjørg. Asbjørn Sigurdsson** opptredde på vegne av seg sjølv, sin bror **Isak [Sigurdsson]** og sine søstre **Rannveig** og **Ragnhild [Sigurdsdøtrer]**, og mågen deira **Sigurd** på vegne av seg sjølv og si kone **Margreta [Sigurdsdotter]**. Asbjørn skulle ha 3 mmb i Fet (vel Kvi 112),¹⁶⁹ 3 mmb i Sunnfjord (Strv 124) med halve skogen, garden og våga, 2 ½ mmb i Midttveit og 1 mmb i Mo.¹⁷⁰ Isak fekk 3 mmb i Fet, 5 mmb i Ask (Kvi 27), 2 mmb i nedre Sandvik (Kvi 113). Godset i laust og fast vart verdsett til 160 mark. Av dette fekk brørne Asbjørn og Isak 60 mark kvar, av di dei tok arv etter sin bror, og kvar [ugift søster] 20 mark. Rannveig skulle følgja med Isaks gods, og Ragnhild med Asbjørns. Deira søster Margreta hadde fått 20 mark i heimanfølgje, og skulle eiga skogen på Ask med unnatak av det som trongst til vedlikehald av husa på Ask, Fet og øvre Sandvik (Kvi 111). Isak og Rannveig skulle få halve skogen i Sunnfjord, og Asbjørn skulle gje Ragnhild vederlag for hennar del av deira halvpart i skogen. Asbjørn gav Sigurd fullt ombod for godset til Isak og Rannveig.¹⁷¹

Kvar desse folka stod på den sosiale rangstigen er vanskeleg å seia sikkert. Buet er ikkje av dei største, men likevel er eit samla bu på 160 mark relativt stort for ein vanleg bonde. Gunnar Pettersen reknar med at inntektspotensialet per aristokrat før mandedauden må ha vore på minimum 50 forngilde mark per år, og sjølv om han understrekar at desse tala kan verka små, er dei slett ikkje urimelege når ein tek omsyn til dei store ulikskapane i inntekter innanfor aristokratiet.¹⁷² Jordprisane for desse jordene kan setjast til kring 1 2/3 mark brent per mmb,¹⁷³ og når ein veit at 1 mark forngild svara til 1/3 mark brent på same tid,¹⁷⁴ kan ein rekna ut formuetilhøva. Jordegodset som vert skifta er litt under 20 mmb, noko som svarar til 33 2/5 mark brent eller litt over 100 mark

169. Det er sannsynlegvis tale om gnr. 112 i Kvinnherad, og ikkje gnr. 130–131 med same namn, ettersom gnr. 112 ligg mellom øvre og nedre Sandvik, som også er omtalte i same brevet.

170. Ingen aktuelle gardar med namna Midttveit og Mo er kjende, men det er kan henda tale om garden Nordtveit (gnr. 118) i Strandvik, der originalbrevet var på 1800-talet (sjå DN XXI, s. 34, og RN IV, nr. 614, note 1). Det finnest rett nok ein gard Mo i Etne (gnr. 4), men denne var Lyseklostergods, og ligg for langt unna dei øvrige identifiserbare gardane til at den er særleg aktuell.

171. DN XXI, nr. 40; RN IV, nr. 614.

172. G. Pettersen 1992, s. 143.

173. K. Lunden 1978, s. 200. Gjennomsnittsprisen per mmb i det Lunden kallar høgprisområdet på Vestlandet utanom Rogaland, var 5,22 kyrlag. 1 2/3 mark brent svarar til 5 kyrlag. Eit brev frå 1337 har ein jordpris på heile 3 mark brent per mmb, då 4 mmb i garden Sunnfjord (som også er nemnt i brevet frå 1328) vert selt til Munkeliv kloster (DN XII, nr. 86).

174. G. Pettersen 1992, s. 19.

forngilde. Dette viser at markomgrepet som er nytta i brevet truleg er forngilde mark, og at kvar av brørne har fått jordegods til ein verdi noko over 50 mark forngilde kvar, med lausøyre for omlag 10 mark forngilde. Heile buet er sett til 160 mark, noko som skulle indikera at **Sigurd** og **Arnbjørg på Fet** kan ha hatt eit årleg inntektsgrunnlag på godt over 50 mark forngild. Dermed kan ein i det minste rekna dei til det lokale aristokratiet. Dette vert også vidare sannsynleggjort ved at garden Sandvik på 1500-talet var adeleg setegard, og då tilhørte den såkalla «Dall»-ætta.¹⁷⁵

SAK 41: 4. september 1328, Kyrkjeide i Stryn: Jordeboksnotis frå Bergens Kalvskinn. I ombod for sin bror sira **Torstein musicus** overlot **Ivar på Glomnes** til kyrkja på Nesi (i Oppstryn), representert ved biskop Audfinn i Bergen, ½ mmb i Flo (Stryn 7–8), med sikring i Berge (Stryn 23) i Erdalen. Dette vart gjeve i staden for ½ mmb i Marså (Inn 2), som sira Torstein utan løyve frå biskopen hadde brukt til å betala si gjeld til sira Jostein på Rake.¹⁷⁶

Ut over dette fortel ei anna innførsle i *BK* at **Ivar på Glomnes** gav ½ mmb i biskopstunet i øvre Bø (Stryn 59–60; eller kan henda bøen i Stryn 7–8, Flo?) til kyrkja på Nesi i Oppstryn.¹⁷⁷ Eg kan ikkje sjå at desse to førekjem i andre kjelder. Tilnamnet til sira **Torstein**, samt at bror hans opptrer i ombod for han, indikerer vel at han neppe har vore prest i Nordfjord, ettersom det mest truleg tyder at han har hatt musikkopplæring ein eller annan stad og at han hadde musikk av eitt eller anna slag som arbeidsområde.¹⁷⁸ Helst har han vore plassert i Bergen, anten som musikar eller tilsvarende ved ei av dei større kyrkjene her. På bakgrunn av karrierevegen til sira Torstein vil eg rekna desse to til den lokale eliten.

SAK 42: [14. oktober 1328 (16. oktober 1327?)], Søborg (på Sjælland): Brev frå **Knut [Porse]**, hertug av Halland og Samsø, til rådmenn og borgarar i Bergen. Herr Erling [Vidkunsson], Noregs drottsete, har kverrsett gods og inntekter som Knut fekk med si hustru, hertuginne **Ingebjørg [Håkonsdotter]**. Han ber om hjelp til å få attende godset sitt, og dersom dette ikkje lukkast, kan han verta tvungen til å ta andre midlar i bruk.¹⁷⁹

Det er her helst tale om byeigedom i Bergen. Dei involverte treng ikkje nærare presentasjon ut over dette.

175. Sjå til dømes ei sak på hausttinget i Kvinnherad den 14. oktober 1651, om kor vidt Sandvik framleis skulle rekna for å vera ein adeleg frigard (SAB, Sorenskrivaren i Sunnhordland, Tingbok nr. 2, fol. 84b–85b).

176. *DN* XV, nr. 12; *RN* IV, nr. 623.

177. *BK*, pag. 6b; *BKMunch*, s. 11.

178. «Ars musica» er også ei nemning for diktekunst (Johansen et al. 1998, s. 416, s. v. «musicæ»), men eg ser det som mindre truleg at ein prest har vore diktar enn at han var musikar. Etter *Lexicon Minus*, bd. II, s. 928, er «musicus» også ei nemning for ein fagmann i musikkteori, men det er vel meir tvilsamt om sira Torstein var det.

179. *DN* VII, nr. 122; *RN* IV, nr. 626, i *DN* datert til [15. april 1328].

SAK 43: 21. desember 1328: Vitnebrev frå abbed Trond ved Jonskyrkja i Bergen, Arne Kolbeinsson, offisial ved Kristkyrkja i Bergen, og Bård Petersson, gulatingslagmann. Dei var til stades då sira Torbjørn, kannik ved Kristkyrkja, overlot til abbed Hemming og brørne i Munkeliv, 5 mmb i Vedå (Bru 34) i Stamnes kyrkjesokn i Oster, og 4 mmb i Sekse (Ull 81–84) i Ullensvang kyrkjesokn, i provent for **Benedikt Romfarason**.¹⁸⁰

I 1332 kjem det fram at Brynjulv på Sekse i to år ikkje hadde betalt landskyld av dei 4 mmb i nedre Sekse (Ull 81–84) som **Benedikt Romfarason** gav til klosteret i provent for seg. Brynjulv vedgjekk det, men hevda at sira Pål Styrkársson [klerk og notarius i kongsgarden i Bergen] hadde forbode han å betala til andre enn han. Brynjulv vart dømt til å betala landskylda til abbeden.¹⁸¹ Elles er Benedikt kjent frå eitt anna mellomalderbrev, då han i 1330 vitnar ei proventgåve saman med lagmannen Sigvat Kolbeinsson og ein Torleiv Oddsson.¹⁸² Gunnar Pettersen meiner at ettersom han har eige segl og er nemnt som brevutferdar, tyder det på at han har tilhøyrt dei høgare laga i bysamfunnet.¹⁸³ Eg er samd med Pettersen i at han må ha tilhøyrt eit elitesjikt, noko også spreinga i jordeige tyder på (Hardanger og Nordhordland). Patronymet hans er svært sjeldsynt, og eg kjenner berre ein person frå norsk mellomalder som hadde dette namnet som førenamn.¹⁸⁴ Det er ein **Romfare bonde**, tydelegvis i Nordfjord, som etter *BK* gav 2 mmb i Avlei (Inn 5) for si rekning i 1323 til kyrkja i Innvik (sjå sak 177).¹⁸⁵ Om dette kan vera far til Benedikt Romfarason er meir uvisst, men ikkje umogleg. I det minste er det truleg at dei har vore i slekt. Dersom det er tale om far og son, kjem i tillegg jordegods i Nordfjord til godsspreiinga deira.

SAK 44: 25. mai 1329: Kvittering frå **Helge Ivarsson**. Abbed Hemming og brørne i Munkeliv hadde selt til han Lerøya (Sund 4), 15 mmb, for 22 ½ mark Brent, for å få pengar til å betala pavetienden med. Dei har no innløyst jorda igjen.¹⁸⁶ Den 20. desember 1329 utferdar Helge Ivarsson nok ei kvittering. Abbed Hemming og brørne i Munkeliv hadde selt han Lerøya (Sund 4), Liland (Fana 111) og Løyning (Fana 110), i alt 31 mmb, for 46 ½ mark Brent, for å betala pavetienden. Jorda er no innløyst igjen.¹⁸⁷

180. *DN XII*, nr. 72; *RN IV*, nr. 635.

181. *DN XII*, nr. 80; *RN IV*, nr. 886.

182. *DN XII*, nr. 76; *RN IV*, nr. 734.

183. G. Pettersen 1992, s. 68.

184. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 858.

185. *BK*, pag. 8b–9a; *BKMunch*, s. 13–14.

186. *DN XII*, nr. 73; *RN IV*, nr. 675.

187. *DN XII*, nr. 75; *RN IV*, nr. 717, jf. nr. 560.

Helge Ivarsson er truleg identisk med den Helge Ivarsson vi første gong møter mellom utferdarane av eit domsbrev i 1316. Då er han nemnt sist mellom utferdarane, like etter Arne Gjavalldsson,¹⁸⁸ men alle utferdarane av brevet må reknast til aristokratiet.¹⁸⁹ Truleg er det den same Helge Ivarsson, då med tilnamnet Lask, vi møter i eit brev frå biskop Håkon av Bergen til kong Magnus Eriksson i 1340, då Helge får gode skotsmål frå biskop Håkon.¹⁹⁰ Kan henda er det ei følge av desse gode skotsmåla som gjer at Helge Ivarsson opptrer som kongens skrivar i fleire brev mellom 1342 og 1345.¹⁹¹ Det er nok også den same Helge Ivarsson som eig Margretastova på Filefjell.¹⁹²

SAK 45: 29. juni 1329, Munkeliv: Vitnebrev frå abbed Tord i Jonskyrkja i Bergen, Ravn Jonsson, Jon Bjarnesson og Torstein presteson. Dei var til stades då **Svein Jonsson** selde til Munkeliv kloster [truleg 10 mmb]¹⁹³ jord i Reistveit (Vikøy 13) i Hardanger [som gav ei landskyld på 10 laup smør], med innløysingsrett etter vintrar.¹⁹⁴

Meir har eg ikkje funne om **Svein Jonsson**.

SAK 46: 3. mai 1330: Salsbrev frå **Orm Ogmundsson** i Kappen. Han har selt til Munkeliv kloster 2 mmb i si jord Svinnland (Var 27) på Varaldsøy, for 12 øyre brent, med rett til innløysing.¹⁹⁵

Kappen er ein bygard i Bergen,¹⁹⁶ og han ikkje kan identifiserast med andre med same namn som opptrer i kjeldene, er det uråd å identifisera han sosialt ut over at han var bymann i Bergen.

SAK 47: [1314–30. oktober 1330]: Jordeboksnotis frå Bergens Kalvskinn. Den 30. oktober stadfesta **Ragnhild** overfor biskop Audfinn i Bergen, si mor, **Unna**, si testamentgåve [til presten i Hyen?] på ½ mmb i Ommedalen (Glo 18). Ho lova å betala 2 kyr eller ½ mmb i Hope (Glo 27) til Ivar Presteson. Ivar, sonen hennar, samtykte i dette.¹⁹⁷

Ingen av dei involverte partane er mogleg å identifisera nærare.

188. *DN* I, nr. 147.

189. Arne Gjavalldsson opptrer til dømes som syslemann på Sunnmøre i 1343/1344 (*NgL* IV, s. 510).

190. *DN* VIII, nr. 129.

191. Sjå Vågslid 1989, s. 241–242, for ei liste over breva. Eit brev dagsett 24. februar 1342 (*DN* XXIII), regest i *RN* V, nr. 535, omtalar han som «hr: Helge Jffuersen», (*RN* har «sira Helge Ivarsson») men truleg er dette ei feilskrift (dittografi). Brevet er berre kjend gjennom ei avskrift frå 1600-talet, og personen som er nemnt framfor Helge Ivarsson er sira Arne Aslaksson, kongens klerk. Ikkje eitt av dei andre breva har sira-tittel knytt til Helge Ivarsson.

192. *BK*, pag. 42b: «(...) salo stofnu hælgha iuars sonar vppi a borghund (...).» Jf. Laberg 1938, s. 878.

193. Jf. jordeboka for Munkeliv 1427 (*DN* XII, nr. 190), s. 159, der klosteret eig 10 mmb i garden.

194. *DN* XII, nr. 74; *RN* IV, nr. 680.

195. *DN* XII, nr. 77; *RN* IV, nr. 742.

196. Jf. B. Lorentzen 1951, s. 243–244.

197. *DN* XV, nr. 10; *RN* IV, nr. 775 og 776; *BK*, pag. 13b–14a.

SAK 48: [1314–1330]: Jordeboksnotisar frå Bergens Kalvskinn vedrørande gåver til presten og kyrkja på [Kyrkje]Eide [i Nedstryn]. **Hallstein Berdorsson** gav 2 mmb i Stauri (Stryn 42), som presten skal ta landskyld av. Vidare gav han til lys for krossen på Eide 6 merker mindre enn 1 mmb i Tenna (Stryn 68). Vitner til denne gåva var Gunnar på Sunde og Steinar Ordreksson, noko dei stadfesta med eid overfor biskop Audfinn. **Erlend Raud** gav for si sjel 1 ½ mmb i Flo (Stryn 7–8) på Oppstryn. Presten skal rå for bygselen og ta landskyld av 1 mmb, resten skal gå til lys for krossen. Erlends arving og hans ombodsmenn Jon og Helge Simonssøner borga for gåva overfor biskop Audfinn. Det mmb i Flo [som presten fekk] er makeskifta mot 10 tveitebol i Vollset på Sunnmøre (Sunnylven 11). **Sigurd på Gjørva** gav 2 tveiteleiger i Sundalen (Stryn 18). **Ingebjørg Smørkollskone** gav kyrkja i testamente for si sjel 2 tveitebol i Berge (Stryn 23?), det høyrer til presterenta.¹⁹⁸

Ingen av desse har det vore mogleg å identifisera nærare.

SAK 49: 6. februar 1331: Vitnebrev frå Olav Torgrimsson. **Harald Bårdsson** kom for han og førte vitne på at han hadde stemna Arnstein på Tistamm, ombodsmann for abbeden i Munkeliv. Då han ikkje møtte, hadde Harald late Jon Arnesson og Jon Eilivsson vitna at indre og ytre Gjuv (Inn 81) mellom «Sandaar» og Gjuv-å hadde **Bård Arnesson** hatt til odel og eige, dinest sonen hans, og **Bård**, far til Harald. Harald sjølv har også rettmessig krav på den.¹⁹⁹

Garden Gjuv er Munkelivgods i 1647 og 1661, men eg kan ikkje finna den i jordebøkene frå mellomalderen eller i 1591.²⁰⁰ Trass i at vi her får opplysningar om eigarane av garden i heile fire generasjonar (**Bård Arnesson**, NN, **Bård**, og **Harald Bårdsson**), har det ikkje lukkast å finna meir om nokon av desse, og det er dermed uråd å identifisera dei sosialt.

SAK 50: 12. mars 1331: Salsbrev frå abbed Hemming og brørne i Munkeliv. Dei har selt 3 ½ mmb i øvste Mjelde (Haus 52) i Oster til **Arnbjørn Svarte**, for 4 mark forngild per mmb, med rett til innløysing etter 10 år.²⁰¹

Arnbjørn Svarte har eg ikkje funne i andre kjelder, og det er dermed uråd å plassera han sosialt. Garden må ha skifta hender i løpet av seinmellomalderen, då den kring 1600 ligg til kommunegodset.²⁰²

198. DN XV, nr. 2; RN IV, nr. 796, i DN datert til omlag 1320; BK, pag. 4b–5b.

199. DN VIII, nr. 92; RN IV, nr. 806. Sjå Aaland 1932b, s. 231–232, for ei drøfting av lokalitetane.

200. Sjå t. d. *Skem 1647 Sogn og Fjordane*, s. 263, samt lensrekneskapane i NRA, RK.

201. DN XII, nr. 79; RN IV, nr. 808.

202. NKJ III, s. 55.

SAK 51: 20. juli 1333: Proventbrev frå **Erlend Arnafjord**. Han har gjeve 11 mmb i Eiken (Jon 8) i Jondal sokn i Hardanger i provent for seg til Munkeliv kloster, mot å få same underhald som andre proventfolk.²⁰³

Erlend Arnafjord opptre ut over dette som medutferdar av vitnebrev i 1321 og 1326.²⁰⁴ Gunnar Pettersen reknar han til midtsjiktet av proventkjøparar, og som sannsynleg lokalaristokrat.²⁰⁵

SAK 52: 18. april 1334: Salsbrev frå **Nikolas Silfestsson**: Han har selt 6 mmb i Gunnarsjorda i Veim (Aur 18) til **Ingebjørg**, enkje etter Gunnars son **Kåre**, Kåres son **Erlend Bliss** til hande. Ho har betalt 10 kyrlag korn og 20 kyrlag i smør, som er full betaling.²⁰⁶

Om kjøparane av jorda har eg ikkje funne meir, men **Nikolas Silfestsson** opptre også i *BK*, der han er sagt å ha gjeve 2 mmb og ½ spansbol kvar i Eggja (Sog 29) til både prestebolet og kyrkja på Ylmeim i Sogndal. Kan henda er han ein bror av den Jon Silfestsson som same stad er sagt å ha gjeve ei ku til prestebolet på Ylmeim.²⁰⁷ Ut frå desse opplysningane er det vanskeleg å identifisera dei involverte sosialt.

SAK 53: 15. mai 1334: Salsbrev frå **Arnbjørn Gullsmed**. Med samtykke frå kona si, **Gunnhild**, har han selt 10 mmb i indretunet i Eide (Hos 58–59) i Hosanger kyrkjesokn i Oster til Munkeliv kloster, for 12 øyre brent per mmb, med innløysingsrett etter 10 år.²⁰⁸ Knappe to år seinare, den 5. februar 1336, sel så ein **Besse i «Stoppom»** ½ mmb i Eide i Oster for 6 øyre brent, med innløysingsrett, til abbed Hemming i Munkeliv.²⁰⁹

Heile Indre Eide (gnr. 58), med unnatak av ein liten part som er bondegods, er Munkelivgods i tidleg nytid, medan heile Ostereide (gnr. 59) er bondegods.²¹⁰ Ut over dette er ikkje noko kjent om dei to seljarane frå 1300-talet. I eigenskap av gullsmed kan nok **Arnbjørn** plasserast mellom bymennene, medan **Besse i «Stoppom»** er verre å plassera. Kanskje var «Stoppom» ein bygard i Bergen, og dermed var kan henda også Besse bymann, men det kan ikkje utelukkast at det også kan vera tale om garden Staupe (gnr. 35) i Vikebygd.²¹¹

203. DN XII, nr. 82; RN IV, nr. 977.

204. DN II, nr. 142 (1321); DN II, nr. 158 (1326).

205. G. Pettersen 1992, s. 68 og 105.

206. DN I nr. 228; RN IV, nr. 1040.

207. *BK*, pag. 33b–34a; *BKMunch*, s. 36–37.

208. DN XII, nr. 83; RN IV, nr. 1044.

209. DN XII, nr. 85; RN IV, nr. 1157.

210. *Skem 1647 Hordaland*, s. 331. Jf. også jordebøkene for Munkeliv kloster 1591 og 1647 i lensrekneskapane i NRA, RK.

211. Jf. RN IV, namneregisteret s. 482 og 483, og E. H. Lind 1931, sp. 164.

SAK 54: 16. september 1334: Kunngjering av avtale mellom sira Arnfinn [Petersson, sjå sak 74], prebendarius ved Brødrealteret i Kristkyrkja i Bergen, og **Jon «standuœyk»** og hans hustru **Valborg**. Med samtykke av biskopen og domkapitlet vart det avtalt at Jon og Valborg skal lata byggja to eldsikre steinkjellarar i den delen av Skjeggen som alteret eig, og reisa hus der, mot at dei og arvingane deira får eiga halve garden.²¹² Den 27. januar 1336, i Bergen, utferdar Arnfinn Sigurdsson, lagmann i Bergen, Tord Arnbjørnsson, Magne Torlaksson, Ogmund Erlendsson, Pål Eindridesson, Gunnar Sigvatsson, Arnulv Hallvardsson, Tore [Torgeirsson] Borg og Bård [Bårdsson] på Hjartåker ei erklæring. Dei var på synfaring i Skjeggen der Jon «standuœyk» åtte ein part saman med sira Arnfinn, prebendarius i Kristkyrkja, og fann at kongen og Bergen by var skadeslause ved den måten som Jon hadde bygt denne gardparten på.²¹³

Meir har eg ikkje funne om korkje **Jon** eller **Valborg**, men namnet Valborg er så sjeldan i Noreg i mellomalderen at Lind reknar med at ho må vera av tysk opphav.²¹⁴ På bakgrunn av byeigedom er det rimeleg trygt å rekna desse to som byfolk, utan at det seier særskilt mykje om den sosiale statusen deira.

SAK 55: 19. februar 1336, Nidaros: Brev om eigedomsoppgjer fra Pål Bårdsson, erkebiskop i Nidaros. Om jord som er gjeve i testamente til Nidaroskyrkja, har han og hans kapittel inngått avtale. Det meste av jorda er i Trøndelag, men mellom anna vert det gjort avtale at erkebiskopen skal behalda 3 markebol i Eggan i Skaun som Håkon Hjelt gav, medan kannikane skal overta 3 markebol (svarar til 9 mmb) i Æri (Lær 19–20) i Sogn («Æðrini j Soghne») som **Olov i Deplen** gav.²¹⁵

Kor vidt **Olov i Deplen** hadde arva godset i Æri eller om det var pante- eller kjøpegods, er uråd å avgjera. Deplen er ein bygard i Nidaros, og utanom brevet frå 1336 opptrer Olov i Deplen berre ein gong til i kjeldene. Det er i 1328 i samband med buoppgjeret etter Berdor rike i Tannagarden i Nidaros, der det vert sagt at buet har uteståande fordringar hjå henne.²¹⁶

212. DN II, nr. 207; RN IV, nr. 1075.

213. DN II, nr. 215; RN IV, nr. 1155.


214. E. H. Lind 1905–1915, sp. 1064. Forutan kona til Jon, er det frå 1300-talet berre kjend ei Valborg Geirardsdotter i Oslo i 1357 (DN II, nr. 335).

215. DN V, nr. 112; RN IV, nr. 1160. Erkestolen i Nidaros eig framleis ved utgangen av mellomalderen 1 ½ laup smør i Æri, jf. OEJ, s. 70.

216. DN V, nr. 75; RN IV, nr. 589. Jf. G. A. Blom 1997, s. 262.

SAK 56: 11. juli 1337: Salsbrev frå **Eindrīde Olavsson** og hans kone **Ragnhild Ormsdotter**: Dei har selt til **Arne Jonsson** 5 mmb i Rogne (Voss 49) i Vangen sokn på Voss for 16 mark forngilde, og har motteke 10 mark. Vidare skal Arne betala 2 pund mjøl og 12 øre i giengs mynt, så snart han får pengar, og 3 kyr til hausten, levert på Får i Sogn.²¹⁷

Ettersom kyrne skal leverast i Luster i Sogn der garden Får ligg, er det rimeleg å rekna **Eindrīde Olavsson** og **Ragnhild Ormsdotter** for sogningar. Året etter, i Bergen den 23. juni 1338, vedgjekk Ragnhild Ormsdotter at **Arne Jonsson** og hans kone, **Sigrīd**, hadde betalt henne det som stod attende på jorda i Rogne, slik at ho no hadde fått full betaling.²¹⁸ Arne Jonsson er etter alt å døma identisk med bergensrådmannen med same namn,²¹⁹ som den 18. september 1337 skiftar husa i Breidsgarden i Bergen. Han er då ført som nummer tre av ti rådmenn, framfor menn som til dømes den seinare bylagmannen Einar Hallvardsson.²²⁰ Arne Jonsson opptretr også i 1343, då han er nemnt mellom dei gode mennene som sat i retten på eit stemne i kongsgarden i Bergen i ei sak om byggjinga av Båbrua i Gullfjordungen på Voss. Han er då nemnt nest sist, like etter bylagmannen Einar Hallvardsson, men framfor den seinare gulatingslagmannen Pål Knutsson.²²¹ Arne Jonsson må såleis reknast å tilhøyra aristokratiet. Om Eindrīde Olavsson og kona hans har eg ikkje funne meir, men salsbrevet frå 1337 har overlevert seglet han som inneheld eit skjold med eit bumerke.



Figur 9. Seglet til Eindrīde Olavsson i 1337 (NoSigV, nr. 324)

SAK 57: 18. september 1337, Bergen: Makeskiftebrev utferda av Arnfinn Sigurdsson, lagmann i Bergen, Steinfinn Nikolasson, underfut same stad, Torgeir Bjørnsson, Tord Arnbjørnsson, Arne Jonsson, Arnulv Hallvardsson, Einar Hallvardsson, Arnfinn Arnesson, Gunnar Sigvatsson, Bård på Hjartåker, Eiliv Ormsson og Tore Borg, rådmenn i Bergen. På oppmoding frå **Ingebjørg Pålskone** i Bredsgarden skifta dei husa «inra veghin» i garden mellom henne og **Sigurd i Osa** og **Gudbrand Gudbrandsson**. Hennar stemnevitner var Ingebjørg Sigurdsdotter, Sigurds søsterdotter Margreta og Gudrun Heimekone. Husa vart skifta i ein indre og ytre del. Ved loddtrekning fekk Ingebjørg den ytre delen, medan Sigurd og Gudbrand fekk den indre.²²²

217. DNI nr. 244; RN V nr. 22.

218. DNI, nr. 251; RN V, nr. 133.

219. Jf. G. Solberg 1975, s. 138–139.

220. DN II, nr. 223; RN V, nr. 43.

221. DN XXI, nr. 69; RN V, nr. 616.

222. DN II, nr. 223; RN V nr. 43.

Meir har eg ikkje funne om desse tre involverte partane. **Sigurd i Osa** bur tydeleg på ein gard i Ulvik, og kombinert med byeigedom må dette kvalifisera han til den lokale eliten i Hardanger. Dei andre to er det vanskelegare å karakterisera ut over at dei truleg var byfolk.²²³

SAK 58: 17. mars 1338, Aurlandsvengen: Provsbrev frå Erling på Tero og Andres Bårdsson. Dei var 17. februar til stades då **Kolbein på Låi** lot Eiliv Toll og Svein Alvsson vitna at dei hadde vore på Tero då Kolbein stemna Ivar Mannsverk av di Ivar siste og føregåande haust ikkje hadde betalt den 1 laupen landskyld som han vedgjekk at han brukte å yta Kolbein og bror hans **Aslak** for den jorda i Tero (Aur 14) som Aslak på eigne og brorens vegne hadde kjøpt av **Ivar Klegg**.²²⁴

Ingen av desse tre er kjende frå andre kjelder, og er dermed uråd å plassera sosialt.

SAK 59: 20. april 1340, Opedal i Ullensvang: Vitnebrev frå Ivar i Opedal, Erling på Lofthus og Bergljot på Aga. Dei var i kapellet på Opedal då Arne Olvesson, Tore Kolbjørnsson i ombod for Torstein Skarv og hans hustru, og Ivar på Bleie rekna opp dei jordene som var gjevne til kyrkja på Ullensvang for at det alltid skulle vera ein leigeprest der. Fru **Ragna Marteinsdotter** på Jåstad, Torstein Skarv, og alle andre som hadde gjeve jord gav på førehand sitt samtykke og stadfesta gåvene. Fru Ragna gav 9 mmb i Lirhus (Voss 88), 6 ½ mmb i Lofthus (Voss 87) og 2 mmb i «Mula» (Voss 95), alle på Voss. **Arne [Olvesson]** gav 5 mmb i Tveit (Vikøy 9/76) i Vikøy sokn, og 3 mmb i Reisæter (Ull 53). Hans hustru **Bergljot [på Aga]** gav 5 mmb i «Enghiasætre» (Ull 55) (begge dei to siste i Ullensvang sokn) og 3 mmb i Solbjørg (Ulv 59). **Ogmund på Eide** gav 2 mmb i Torblå (Ulv 48) (begge dei to siste i Ulvik sokn) og 1 mmb i Gudmundartveit (Jon 27) i Jondal sokn. Hans hustru **Herborg** gav 8 mmb i Åseim (Skån 101) i Skånevik sokn. **Margreta på Eide** gav 7 mmb i Espe (Ull 90), og **Torstein Skarv** 3 mmb i Kvalnes (Ull 86), desse i Ullensvang sokn. **Ivar på Bleie** gav 1 mmb i Freim (Ull 28), 3 [mm]bol i Mannsåker (Ull 25) og 1 mmb i Jordalen (Ull 22), alle i Odda sokn. **Brynhild Arnesdotter** gav 2 mmb. **Aslaug på Sekse** gav 2 mmb. **Ivar i Opedal** og hans hustru gav 2 mmb.²²⁵

Av desse personane er nokre handsama andre stader. Dette gjeld Arne og Bergljot på Aga (sjå s. 304 og utetter) samt Ivar på Bleie (sjå sak 5).

Fru **Ragna Marteinsdotter** på Jåstad kjenner vi berre frå to brev frå 1309 og 1310. Det første er ein notis dagsett 2. oktober 1309 om at biskop Arne i Bergen formante fru Ragna, fråskilt kone

223. Moglegvis kan Gudbrand Gudbrandsson vera identisk med væpnaren av same namn som er nemnt sist av garantane og medseglarane i fredstraktaten mellom Noreg og Danmark i 1309 (DN IX, nr. 82; RN III, nr. 595).

224. DN II, nr. 228; RN V nr. 93.

225. DN XII, nr. 90; RN V nr. 309

til herr Torolv på Idse (i Ryfylke), som då var munk i Lyse kloster, til innan jul å avleggja uskuldsløvnad under eid for resten av livet.²²⁶ Neste gong vi møter henne er i ei kunngjering frå biskop Arne, dagsett 19. februar 1310, om at fru Ragna Marteinsdotter av Jåstad har avlagt den uskuldsløvnaden ho hadde vorte pålagt, og har lova å ta opphald i Nonneseter kloster og bu der på eigen kostnad.²²⁷ På bakgrunn av fruetittelen hennar kan vi slutta at mannen hennar var riddar. Han er tvillaust identisk med den Torolv på Jåstad som er mellom brevutferdarane av ei kunngjering om forlik på Aga i Ullensvang den 26. mai 1293.²²⁸ I mai 1299 opptre det ein Torlak på Idse,²²⁹ men han kan ikkje vera identisk med Torolv. Meir truleg er det her tale om ein bror. På bakgrunn av våpenmerket i seglet hans,²³⁰ kan ein rekna med at Torlak i Idse er identisk med ein Torlak i Dirdal som opptre to gonger i brev frå 1299 og 1300.²³¹ Dette kan tyda at Torolv har teke over på Idse ein gong mellom mai og september 1299.

Ogmund, Herborg og Margreta på Eide, samt **Torstein Skarv**, har eg ikkje funne meir om, men med bakgrunn i jordegodset i Torblå kan ein tenkja seg at Ogmund og Herborg er foreldre til Helge Ogmundsson som sel jord i Torblå i 1367, og at Margreta på Eide er kona hans (sjå sak 82). **Brynhild Arnesdotter** har eg heller ikkje funne meir om.

Aslaug på Sekse gav også 2 mmb til kyrkja utan at det kjem fram kvar desse mmb låg. Meir har eg ikkje funne om henne, men kan henda var ho gift med Åsolv Hallvardsson på Sekse som er brevutferdar i 1346 saman med Arnbjørn Ogmundsson og Arne på Aga, som begge må reknast til aristokratiet.²³² Dette er likevel så uvisst at eg ikkje kan gjera anna enn å registrera ho som usikker.

Ivar i Opedal må reknast til den lokale eliten i Hardanger. Ein gong før 25. november 1329 medseglar han eit provsbrev om eit dødsfall.²³³ I 1340 er han med å utferda eit provsbrev saman med mellom andre systemannen i Hardanger.²³⁴

226. DN I, nr. 123; RN III, nr. 623.

227. DN I, nr. 126; RN III, nr. 639.

228. DN IV, nr. 6; RN II, nr. 725. Sjå dessutan sak 5.

229. DN II, nr. 48; RN II, nr. 979.

230. *NøSigV*, nr. 11.

231. DN II, nr. 54 (1299); DN IV, nr. 48 (1300).

232. DN XII, nr. 94; RN V, nr. 834 og 835.

233. DN III, nr. 153; RN IV, nr. 713 og 714.

234. DN IV, nr. 243; RN V, nr. 298.

SAK 60: 2. mai 1340, Undredal i Aurland: Vitnebrev frå Hallvard Gudbrandsson, Gudleik [Ragnarsson?] på Kvam og Andor Hergeirsson. Dei var til stades då **Eindride Erlendsson** selde morsarven sin, 3 mmb i Skålejord i Flåm (Aur 38) i Aurland, til **Arne Torgeirsson**, og fått full betaling. Jorda skal innløyast for same sum av Eindride eller borna hans om ti år.²³⁵

Meir er ikkje kjent om korkje seljar eller kjøpar, og det er dermed uråd å identifisera dei nærare.

SAK 61: 11. juli 1340: Bygselbrev frå abbed Hogne og brørne i Munkeliv. Dei overlet til **Eirik Einarsson** garden Herfendal (Bruv 26) i Bruvik kyrkjesokn i Oster, som er på 5 mmb og har vore øyde i 10 år. Eirik skal eiga halve garden på villkår at han reiser hus og held dei ved like, og svarar landskyld.²³⁶

Dette er eitt av svært få brev frå 1300-talet, der det er rimeleg å rekna ein av dei involverte som ein vanleg «bonde». Som leiglending på ein gard som har lagt øyde ei tid, er det lite truleg at **Eirik Einarsson** har hatt særskilt høg sosial status. Det er elles verd å merkja seg at heile garden Herfendal er ått av Munkeliv kloster i tidleg nytid.²³⁷

SAK 62: [omlag 1340]: Vitnebrev frå Simon prest i Olden, Torstein «kamr»(?) og Gunnar på Sunde. Dei var til stades då **Astrid Eiriksdotter** selde til **Kalv på Kårstad**(?) ½ mmb i øvretunet i Søllberg (Inn 95), og vedgjekk å ha fått full betaling.²³⁸

Meir har eg ikkje funne om korkje kjøpar eller seljar, og det er uråd å identifisera dei sosialt.

SAK 63: 15. februar 1341, Børøy i Finnås: Vitnebrev frå Hallstein Sigurdsson, prest ved Maria-stuken i Avaldsneskyrkja, Hallbjørn Sigurdsson og Ivar Sigurdsson. Dei var til stades då **Jorunn Bårdsdotter** gav og avstod 5 mmb i Stangaland (Fjb 69) i Ølen til **Magnhild Onundsdotter**, og likeeins selde henne 2 mmb i same garden, for 10 mark forngilde, men med rett til å innløysa alle 7 mmb for 5 mark per mmb. På ei vedhefta vidisse dagsett 29. januar 1576 utferdar lagrettemennene i Fjelberg skipreide, Bård Gunnarsson, Sjur Helgesson og Orm Olavsson, vidisse av brevet på oppmoding frå velforstandig mann Reidar Larsson.²³⁹

Korkje kjøpar eller seljar er funne igjen i andre kjelder.

235. DN IV, nr. 244; RN V nr. 316.

236. DN XII, nr. 91; RN V nr. 333. Jf. også B. Skre 1987, s. 102.

237. Jordebøker i NRA, RK, LR; *Skem 1647 Hordaland*, s. 275.

238. DN XVIII, nr. 14; RN V nr. 395.

239. DN XI, nr. 28; RN V nr. 414.

SAK 64: [etter 7. mars 1341(?)]: Brev frå biskop Håkon av Bergen, til herr **Pål Eiriksson**. Takkar for brev, mellom anna om makeskiftet mellom herr Pål og Nonneseter kloster i Bergen. Klosteret får jord i Sogn mot å avstå jord i Valdres.²⁴⁰

Herr **Pål Eiriksson** (ca. 1285–ca. 1345) var ridddar og merkesmann, og nært knytt til kongedømet som rådgjevar og ombodsmann for både Håkon 5. Magnusson og Magnus Eriksson. Han tilhørte toppsjiktet i aristokratiet, og farsøstera hans, Jartrud, var gift med baronen Guttorm Gydason, og bror hennar (vel Påls farbror) Asle var også ridddar.²⁴¹ Pål Eiriksson åtte jord ikkje berre i Sogn, men også i Valdres, Asker, på Romerike og i Elvesysla.²⁴² Makeskiftet mellom han og Nonneseter kloster seier ikkje noko om kvar i Sogn han åtte jord, men tek ein omsyn til det nære samhovet mellom Valdres og Indre Sogn er det mest truleg at det er nettopp i Indre Sogn han åtte jord. Jorda som han fekk i



Figur 10. Seglet til Pål Eiriksson i tida 1308 til 1339 (*NøSigV*, nr. 47). Det er ein viss likskap i våpenmerke i høve til Torstein Skolle i Sogn (fig. 82 på s. 325).

Valdres, har truleg samanheng med det godset som Magnus Lagabøter gav i sitt testamente i 1277. Til Nonneseter kloster gav kongen 70 laupsbol («cofinata»)²⁴³ som skal takast av morsarven hans («clastro sanctimonialium Nunnesæte(r) in civitate Bergensi contulimus predia annuatim solventia septuaginta cofinata, et hoc ex bonis, que nobis ex materna hereditate attinere dignoscuntur»)²⁴⁴. Morfar til Magnus Lagabøter, Skule Bårdsson, var igjen ein dotterson av lendmannen Erling på Kvie i Valdres,²⁴⁵ og ein må rekna med at noko jordegods i Valdres følgte med frå han.

240. *DN* X nr. 44; *RN* V nr. 429

241. Jartrud, kona til Guttorm Gydason, er etter alt å døma identisk med den fru Jartrud Ormsdotter som i 1295/96 gjev 6 hefseldebol i nordre garden i Kvem på Østre Toten til Hovedøya kloster (*Akershusregisteret*, s. 62, nr. 928). Dette er den einaste fru Jartrud vi kjenner frå denne tida, og sjølv om det aktuelle brevet er dagsett i kong Eirik's 16. regjeringsår, kan det knapt vera tale om 1404/05 slik det også er foreslått i *Akershusregisteret*. I 1315 makeskiftar nemleg Hovedøya kloster bort garden Kvem på Toten mot Sundby i Jessheim på Romerike (*Akershusregisteret*, s. 82, nr. 1244–1245; *RN* III, nr. 944 og 945). Takk til Are S. Gustavsen som har gjort meg merksam på dette. Dette medfører igjen at far til Pål Eiriksson kan ha heitt Eirik Ormsson, og ein potensiell farfar vert då Orm merkesmann som opptrer i 1276 (*DN* II, nr. 16a; *RN* II, nr. 142; jf. *LA*, s. 334; *Magnus Lagabøtes saga*, i *Norges kongesagaer*, bd. 4, s. 361).

242. Opsahl 2003c.

243. Jf. P. A. Munch 1858, s. 681–682.

244. *DN* IV, nr. 3; *RN* II, nr. 171.

245. *Bögl*, del II, s. 27.

SAK 65: 17. august [1341], Bergen: Brev frå Håkon, biskop av Bergen, til herr Pål Eiriksson. Han takkar for tilsendt brev. Henriksgarden [i Bergen] har biskopen dels fått i provent, dels betalt ved kyrkjias gods. Likevel vert retten hans til garden imøtegått. Utan at biskopen har fått høve til å forsvare seg, har **Andisa på Vinnes** («Andissa a Vinnunesi») no fått rådvelde over dette bispegodset.²⁴⁶

Det er uvisst kva for ein gard Vinnes det er tale om i brevet, men helst må den plasserast i Hordaland, og dermed anten i Fitjar (gnr. 4), Strandvik (gnr. 78) eller Fjell (gnr. 26).²⁴⁷ Det er helst tale om ei kvinne her, og namnet (Arndis, Arndisa) er svært sjeldsynt i Noreg. Lind har berre dette eine eksempelet frå norsk mellomalder, medan det er kjent fleire frå Island.²⁴⁸ Ut frå desse få opplysningane er det uråd å plassera **Andis(a) på Vinnes** sosialt.

SAK 66: [26. august 1341–25. august 1342: Vitnebrev frå Einar Hallvardsson, lagmann i Bergen, [og andre]. Dei var til stades då **Ivar Øysteinsson** vedgjekk å ha selt til **Erling Eiriksson** 5 mmb i Mo (Gra 82) i Granvin sokn.²⁴⁹

Meir har eg ikkje funne om desse to.

SAK 67: 7. april 1344, Austreim i Kyrkjebø: Vitnebrev frå Sigurd Bårdsson, Sæbjørn Kåresson, Jon Botolvsson og Eirik på Berge. Dei var til stades då **Gudleik Arnvidsson** ættleia sonen sin **Ivar** framfor kyrkjedøra i Austreim i Sogn. Til stades var sønene hans Marteim og Arnvid, Ivar Sigurdsson, kona hans Ragnhild, og Inga, som samtykte i ættleiinga. Gudleik gav til Ivar 4 mmb i Sandstø (Ull 80) i Hardanger.²⁵⁰

Eg har ikkje funne meir om denne slektskrinsen i kjeldene, men det at brevet er utferda i Ytre Sogn, medan jordegodset som er nemnt, ligg i Hardanger, kan indikera ein viss sosial status.

SAK 68: 20. august 1345, Bergen: Fullmaktsbrev frå Pål Knutsson, ombodsmann for hertuginne [Ingeborg] i Sverige. Han gjev fullmakt til sira Jon på Grotle til å stemna Håkon Botolvsson av di han har teke til seg landskylda av Grotle (Brem 11–12).²⁵¹ På Hauge i Bremanger, den 7. februar 1346, utferdar Bård Kolbeinsson og Olav Kalvsson eit vitnebrev, der dei vedgår at dei var til stades då **Håkon Botolvsson** lova sira Jon på Grotle, ombodsmann for Pål

246. DN VIII, nr. 146; RN V nr. 483.

247. Jf. RN V, s. 506. E. H. Lind 1905–1915, sp. 40, gissar på Fjell («Vendenæs på St. Sartor?»).

248. E. H. Lind 1905–1915, sp. 39–40; E. H. Lind 1931, sp. 30.

249. DN XXI, nr. 64; RN V, nr. 573.

250. DN V nr. 169; RN V nr. 694.

251. DN V, nr. 183; RN V, nr. 788.

Knutsson, å koma til stemne i Bergen for gulatingslagmannen for å svara for landskyld som han hadde teke av hertuginna [Ingebjørg Håkonsdotter] jord i ytre Grotle (Brem 12). Håkon vedgjekk også å ha teke 2 månadsmat frå **Eirik Presteson** i same jorda («j þa somu grein»)²⁵²

Korkje **Håkon Botolvsson** eller **Eirik Presteson** opptrer i andre kjelder etter det eg kan sjå,²⁵³ men med bakgrunn i jordetvisten i Grotle, er det freistande å tenkja seg eit samband til riddaren Serk på Grotle tidlegare på 1300-talet (sjå s. 107). Dette vert likevel ikkje anna enn ei gissing.

SAK 69: [før 16. mars 1346], Aga i Ullensvang: Vitnebrev frå Arnbjørn Ogmundsson, Arne i Aga og Åsulv Hallvardsson [på Sekse]. Dei var til stades då **Eiliv på Børve** og sonen hans, **Helge Eilivsson**, selde til **Helge Torsteinsson** 7 mmb i nedre Børve (Ull 78–79) for 7 kyrlag per mmb, og vedgjekk å ha fått full betaling.²⁵⁴

Den 25. april 1346 utferdar Askjell Eilivsson og Erling Eindridesson vitnebrev om giftingsgåve. Dei var til stades den gongen for meir enn 60 år sidan (dvs. seinast 1286), då **Ragna Torsteinsdotter** gav sin son Eiliv [Helgesson] – då han fridde til Sigrid Aslaksdotter i Osa – den indre helvta av den elveteigen på Bervenstranda (vel Ull 78–79) i Ullensvang sokn inn mot «Vatokleif», som Ragna sjølv hadde fått i heimanfølgje av sin far, då ho vart gift med Eilivs far **Helge**.²⁵⁵

Eiliv på Børve i første brevet må etter alt å døma vera identisk med Eiliv Helgesson som før 1286 fridde til Sigrid Aslaksdotter i Osa (i Ulvik), og han må ha vore rimeleg gammal i 1346. Sonen **Helge Eilivsson** har kan henda også vore fødd ikkje lenge etter 1286. På bakgrunn av namnebruken kan **Helge Torsteinsson** som kjøper jorda i Børve i 1346 ha vore ein brorson av Eiliv Helgesson, eller ein slektning av **Ragna Torsteinsdotter**. Det kan elles tenkjast at Eiliv Helgesson er identisk med den Eiliv Helgesson frå Bergen som opptrer som vitne i eit brev frå 1308–1309.²⁵⁶ Ut over dette har eg ikkje funne meir om denne slektskrinsen, og eg kan dermed ikkje identifisera dei sosialt.

SAK 70: 10. desember 1346: Gåvebrev frå hertuginne Ingebjørg til **Nikolas Plogpenning** og hans hustru **Ingebjørg Munansdotter**: Ho gjev dei for lang og tru teneste, den garden i Bergen som ho eig etter **Håkon notarius**.²⁵⁷ Den 19. september 1349 utferdar både Nikolas

252. DN V, nr. 185; RN V, nr. 823.

253. Eg ser det som usannsynleg at Håkon er identisk med ein Håkon Botolvsson som opptrer i eit par brev frå Gausdal i 1382 (DN II, nr. 472) og 1392 (DN II, nr. 532).

254. DN XII, nr. 94; RN V nr. 834.

255. DN IV, nr. 302; RN V nr. 844.

256. DN XII, nr. 43; RN III, nr. 606.

257. DN I, nr. 300; RN V, nr. 903.

og Ingebjørg testamenter i Bergen. Nikolas Plogpenning er frisk på sinnet, men sjuk på leka-
men, og vel seg gravstad framfor Vår Frues bilete i Munkeliv kloster, og gjev for dette samt til
sjelemesser og årtidhald, 10 laupsbol i Kvamme (Vik 90) i Kvamsøy sokn i Sogn, med sam-
tykke frå Ingebjørg Munansdotter.²⁵⁸ Ingebjørg vel seg gravstad i Munkeliv kloster, hjå sin
mann Nikolas [Plogpenning] framfor Vår Frue-alteret, og gjev til dette og til sjelemesser og
årtidhald, 10 laupsbol i Kvamme i Kvamsøy sokn, samt ei silkekappe og eit velum.²⁵⁹ På
Varberg i Halland den 23. april 1352 utferdar så hertuginne Ingebjørg av Sverige, Halland og
Samsø eit sjelegåvebrev. Mellom anna gjev ho til Lyse kloster garden sin i Bergen, som ho fekk
att etter å ha gjeve den til fru Ingebjørg Munansdotter for hennar levetid. Garden ligg innmed
Drotninggarden, Håkon notarius bygde den og lét hertuginna få den for 60 mark brende.²⁶⁰

Både **Nikolas Plogpenning** og **Ingebjørg Munansdotter** må reknast til aristokratiet, men dei er
ikkje sikkert kjende frå andre kjelder enn dei ovanfor.²⁶¹ Med bakgrunn i tilnamnet og tenesta hjå
hertuginne Ingebjørg, kan det tenkjast at Nikolas opphavleg har vore dansk. Ingebjørg Munans-
dotter har derimot tvillaust vore norskfødd, men kva slekt ho har tilhøyrt er uvisst.

Med omsyn til Håkon notarius, så opptreer han i eit brev frå 1340,²⁶² og er rimelegvis identisk
med den **Håkon Ivarsson notarius** som opptreer i fleire brev mellom 1312 og 1338.²⁶³ Også
Håkon må reknast til aristokratiet.

SAK 71: 10. april 1348, Bergen: Vitnebrev frå Audun Sigvatsson, vicarius ved Apostelkyrkja i
Bergen, Øyvind Hallsteinsson, Sigurd Helgesson, Torleiv Olavsson og Gunnar Halldorsson.
Dei var same dag i Roarsgarden i Bergen då **Erlend Ogmundsson** garanterte **Grim Jonsson**
at han skulle få ha frelst dei 3 mmb i instetunet i Høyeim (Lus 71) i Luster i Sogn, som **Jon**
Sigurdsson og kona hans, **Sigrid**, hadde selt til Grim, og som Sigrid hadde arva etter sine fore-
ldre. Får Grim likevel ikkje jorda frels, skal han ha tilsvarende landskyld av Erlends jord.²⁶⁴

Ikkje nokon av dei involverte her er mogleg å identifisera sikkert. Namna Jon og Sigurd er så van-
lege at det er nærast uråd å seia noko om **Jon Sigurdsson**. **Grim Jonsson** har eg ikkje funne i andre

258. DN XII, nr. 100; RN V nr. 1196.

259. DN XII, nr. 99; RN V nr. 1197.

260. DN II, nr. 312; RN VI, nr. 123.

261. Det kan tenkjast at det er ein referanse til Ingebjørg Munansdotter i testamentet til Magnhild Kjetilsdotter frå 24.
oktober 1326, der ei Ingebjørg Nikolaskone er mellom dei som vert tilgodesett med gåver (DN IV, nr. 169; RN IV,
nr.463).

262. DN VIII, nr. 129; RN V, nr. 336 og 337.

263. Sjå namnregistra i RN III–V, og brevnummera refererte til der. Det ser ut til at han ikkje opptreer som skrivar
etter 1328/1329, jf. Vågslid 1989, s. 99.

264. DN IV, nr. 330; RN V nr. 1043.

kjelder, medan **Erlend Ogmundsson** kan tenkjast å vera identisk med ein som opptrer som vitne i ei tvist om jordegods i Valdres i 1342,²⁶⁵ men det er uråd å avgjera det.

SAK 72: 3. august 1348: Vitnebrev frå Ingemund Jonsson, lagmann i Bergen, Gaute Erlendsson, Olav Ogmundsson og Sigurd Gunnarsson. Dei var 19. juli i Allehelgenkyrkjas spital i Bergen då **Jartrud Halldorsdotter** selde sine jorder i Nordfjord til **Torstein Torkjellsson**: 11 mmb i Myklebostad (vel Dav 38: Kjøllesdal/evt. Dav 6), 6 mmb i Davikneset (Dav 23) og 6 mmb i indre Davikja (Dav 15), alle i Davik sokn i «Eygis fyrde» i Nordfjord, samt 4 mmb i midtre Isane (Dav 12) i Ålfoten sokn i Nordfjord, for 19 skilling engelsk per mmb.²⁶⁶

Det synest ut frå ordlyden i brevet som om **Jartrud Halldorsdotter** ikkje bur i Nordfjord, samt at ho eig jord andre stader. Den einaste Jartrud Halldorsdotter som opptrer i samtidige kjelder er busett på Austlandet, kan henda i Tunsberg. Ho er i alle høve der når ho den 25. mai 1347 gjev 10 øyresbol i Onstad i Tranby sokn i Lier til frenden sin, Sigurd Andresson.²⁶⁷ I 1354 mottek ho eit skrifteprivilegium frå pave Innocens VI,²⁶⁸ noko som tilseier at ho i det minste har tilhøyrt eit elitesjikt.²⁶⁹ Her er ho sagt å vera frå Oslo bispedømme. Noko seinare same år sel ho heile nedste garden i Hem i Lardal, 4 markebol, til ein Torgeir Nikolasson.²⁷⁰ Eg ser det som nokså rimeleg at det er tale om den same kvinna som sel jord både i Nordfjord og på Austlandet. **Torstein Torkjellsson** har det derimot ikkje lukkast å identifisera nærare.²⁷¹

SAK 73: 26. september 1349, Munkeliv: Testamente for **Torgeir Torsteinsson**. Frisk på sinnet men sjuk på lekamen vel han seg gravstad i Munkeliv kloster, og gjev for dette til klosteret den same jorda som han før hadde lova til provent, nemleg 20 mmb i Vika (Gau 43) i Vikebygda i Sunnfjord, 2 ½ mmb i Syslok (Lin 110) i Lindås sokn og 1 laupsleige i Dale (Alv 20–21) på Holsnøy, samt ei sølvskål til årtidhald.²⁷²

Gunnar Pettersen reknar **Torgeir Torsteinsson** til toppsjiktet mellom proventkjøparane, ettersom jordegodset han gjev kan verdsetjast til omlag 80 mark forngild.²⁷³ Det at han før hadde lova jorda

265. DN XXIII, dagsett 7. mai 1342; RN V, nr. 551.

266. DN IV, nr. 336; RN V nr. 1068.

267. DN XI, nr. 37; RN V, nr. 932.

268. DN VI, nr. 219b; RN VI, nr. 263.

269. Dei øvrige som får skifteprivilegier i same brevet (DN VI, nr. 219) er to riddarar, to kannikar, ein erkeprest og tre biskopar.

270. DN III, nr. 282; RN VI, nr. 284.

271. Det opptrer ein Torstein Torkjellsson i Hardanger i 1340 (DN XII, nr. 90), men om det er same mann er meir uvisst. Dette er den einaste andre Torstein Torkjellsson som er å finna i namneregistra til RN IV–VII som dekkjer tida 1320–1390.

272. DN XII, nr. 101; RN V nr. 1201.

273. G. Pettersen 1992, s. 105, jf. s. 72, nr. 35.

til provent, tyder nok at han har vore relativt tilårskomen då han vart sjuk (vel i Svartedauden). Spreinga i jordegodset og verdien på det han gjev til Munkeliv kloster, tyder på at han må reknast til aristokratiet. Eg har ikkje funne han omtalt i andre kjelder.

SAK 74: 17. oktober 1349, Nidaros: Testamente frå [sira] **Arnfinn Petersson**, [kannik ved Kristkyrkja i Nidaros?]. Mellom gåvene er til det alteret han hadde i Kristkyrkja i Bergen eit breviar og ei messebok samt 2 gardleiger i Skjeggen (bygard i Bergen). Mellom dei som vert tilgodesette er søsterdottera hans, Borghild, som får det godset han gav henne i heimanfølgje då ho gifta seg med Orm.²⁷⁴

Kannikembetet er nok til å sannsynleggjera at **Arnfinn Petersson** må reknast til aristokratiet. Kan henda var han opphavleg frå Vestlandet, ettersom han i 1337 er nemnt prebendarius ved Domkyrkja i Bergen då han er sendebod for biskopen i Bergen til erkesetet.²⁷⁵ Han er tvillaust også identisk med den sira Arnfinn, prebendarius ved Brødrealteret i Kristkyrkja, som er involvert i ei sak om Skjeggen i 1334 og 1336 (sjå sak 54). I 1345 opptreer han som kannik i Nidaros.²⁷⁶ Kor vidt godset som vart gjeve til Borghild i heimanfølgje var jordegods, er uvisst, men slett ikkje usannsynleg. Kvar dette godset eventuelt låg, forblir likevel ukjent. Seglet hans er kjent frå 1334, men det er eit rundt og biletaust segl med innskrift tvers over seglet som berre har namnet hans.²⁷⁷

SAK 75: 24. februar 1356, Bergen: Vitnebrev frå Halldor Helgesson, [by]fut i Bergen, Gunnstein Aresson, Bjarne Birgersson, Erling Hjarrandesson og Torgrim Halleson. Dei var til stades den 6. februar då **Jon** handtokst med **Herleik Arnesson** og selde til han seks hus i Askatinsgarden på Stranden for 14 ½ treskillingsmark.....²⁷⁸

Det har ikkje lukkast å identifisera dei involverte partane nærare.

SAK 76: 5. juni 1356, Gullskoen i Bergen: Vitnebrev frå Pål Knutsson, Sigurd Kolbeinsson og Guttorm Gudleiksson. Dei var til stades då **Eindrige Petersson** handtokst med sira **Torgils Ivarsson** i Nikolaskyrkja i Bergen, og Eindrige vedgjekk å ha selt til sira Torgils 5 ½ mmb i Fimreite (Sog 85) i Ølmeim kyrkjesokn i Norum, samt Eindrige part i lakseverpet i «Oluu». Eindrige skulle gje til sira Torgils alle dei kjøpsdokumenta som Audun, Eindrige frende, hadde. Unnateke var fisket i «Miklaholmi» under Fimreite.²⁷⁹

274. DN II, nr. 305; RN V nr. 1212. Omsetjing til moderne norsk av Jan Ragnar Hagland i Dybdahl 2002, s. 140.

275. DN IX, nr. 106 og 107; RN IV, nr. 55 og 56. Jf. Dybdahl 2002, s. 16.

276. DN VI, nr. 293.

277. Sjå Trætteberg 1968, s. 86, nr. 45, samt seglteikning på s. 110.

278. DN IX, nr. 144; RN VI, nr. 380, feildatert i DN til 22. februar 1346.

279. DN XXIII, nr [33].

Korkje seljar eller kjøpar er kjent frå andre dokument, dersom då ikkje **Eindrige Petersson** er identisk med presten Eindrige Petersson som er nemnt første gong i 1326 og 1327,²⁸⁰ er prest i Kinsarvik i 1329,²⁸¹ og er nemnt hovudprest på Voss mellom 1339 og 1348.²⁸² Dette er den einaste Eindrige Petersson som er nemnt i kjeldene i denne aktuelle perioden, og på bakgrunn av det er det slett ikkje usannsynleg. Garden Fimreite er elles kjend som adeleg setegard i nytid, og må reknast for å vera ein etter måten stor gard. Ut frå dette, samt eigedelar i lakseverp og fiske, kan ein truleg i det minste rekna Eindrige Petersson og frenden hans, Audun, til den lokale eliten. Audun, frenden til Eindrige, kan ut frå sambandet til lakseverpet i «Oluu» tenkjast å vera identisk med riddaren Audun på Slinde (sjå s. 422 og utetter), men dette er uvisst. Med omsyn til sira **Torgils Ivarsson** vil eg på bakgrunn av at han er prest i Bergen, rekna han til det geistlege aristokratiet.

SAK 77: 3. januar 1358, Oslo: Stadfestings- og vernebrev frå kong Håkon. Han stadfestar for **Ivar Erlingsson** alle artiklane i skipanen om sjelestova Margretastova på Filefjell (Bor 34). Alle som har hand om jord som tilhøyrrer Margretastova skal lata Ivar nyta landskyld og kyrleige innan ein månad, eller svara fullt brevbrot. Kongen tek i sitt vern Ivar og hans gods, samt godset til sjelestova.²⁸³

Kven denne **Ivar Erlingsson** var er uklårt, men at han i det minste må reknast til ein lokal elite ettersom han får sjelestova på Filefjell som ei slags forlening, er tvillaust. Det kan osgå tenkjast eit slektsamband til Helge Ivarsson som i *BK* er sagt å ha ått Margretastova (sjå sak 44).

SAK 78: 15. januar 1358, Stedje i Sogndal: Gåvebrev utferda av **Eirik Tordsson**: Han har gjeve frenden sin, **Gunnar Torsteinsson**, 3 mælesbol i Kalhagen (Haf 54) i Hafslø sokn på Folk i Sogn.²⁸⁴ Same tid og stad utferdar Eirik Tordsson og Torstein Jomarsson eit vitnebrev om jordgåve: Dei var til stades då biskop Gisbrikt visiterte Sogn første gongen etter manndauden (omlag 1350?). Der handtokst sira **Tore Fridreksson** med Gunnar Torsteinsson og gav han 4 tredelingsbol²⁸⁵ i Kalhagen i Hafslø sokn på Folk i Sogn.²⁸⁶ Opplys-



Figur 11. Seglet til Eirik Tordsson i 1358 (*NøSigV*, nr. 653).

280. *DN I*, nr. 186 (1326); *DN X*, nr. 24 (1327).

281. *DN XV*, nr. 14.

282. *DN X*, nr. 36 (1339); *DN V*, nr. 144 (1340); *DN I*, nr. 299 (1346); *DN I*, nr. 304 (1347); *DN V*, nr. 204 (1347–1348).

283. *DN XI*, nr. 47; *RN VI*, nr. 465.

284. *DN I* nr. 352; *RN VI*, nr. 466.

285. Svarar truleg til 1/3 såld, jf. Steinnes 1936, s. 117.

286. *DN I* nr. 353; *RN VI*, nr. 467.

ningane i det siste av desse breva kjem også fram i to brev frå 1361.²⁸⁷ Det første av desse to, dagsett 5. april 1361, er i tillegg besegla av systemannen i Sogn, Oleiv Ulvsson, i ombod for Karmann, som er gift med sira Tores dotter Margreta.

Eirik Tordsson og **Gunnar Torsteinsson** opptre berre i desse breva, og det er dermed vanskeleg å identifisera dei sosialt. Eirik opptre i det minste som brevutferdar av brev nummer to frå 1358, og saman med at seglet hans inneheld noko som kan sjå ut som eit våpenmerke, er det vel rimeleg å rekna han til den lokale eliten.

Sira **Tore Fridreksson** opptre på si side også i to brev frå 1348, og er då kannik ved Kristkyrkja i Bergen.²⁸⁸ Dette fører han inn i det geistlege aristokratiet. Yngvar Nielsen reknar Gunnar Torsteinsson som son av Torstein Botolvsson av ætta på Kvam (sjå s. 322), men dette er uvisst.²⁸⁹ Eg trur heller ikkje at Gunnar Pettersen kan ha rett i samidentifikasjonen med ein med same namn som kjøper provent i Munkeliv i 1415 (sjå sak 124),²⁹⁰ men slektskapet med Eirik Tordsson og truleg også med sira Tore Fridreksson,²⁹¹ er tilstrekkeleg til å rekna også han til den lokale eliten.

SAK 79: 2. juni 1366: Domsbrev utferda av Gulatings og Bergens lagmann Gunnar Hjarandesson. Kom for han **Koll Håkonsson** og **Sigurd Sumarlidesson** i ombod for **Eindride**, son sin. Sigurd hadde stemna Koll til å svara for godset han utan lov og dom hadde ført frå Kjærland (Kvi 124) i Uskedalen i Kvinnherad sokn, og som er **Svein Asbjørnssons** farsarv. Koll vedgjekk at Svein og Eindride er syskenborn og ektefødde, og at ingen meir nærskyld var velhalden nok [til å vera verje for Svein]. Koll vart dømt til å føra dette godset, eller anna jamgodt gods, til Sigurd og Eindride.²⁹²

Det er usikkert om dette brevet omhandlar jordegods, men eg har teke det med her likevel. Ingen av dei involverte er kjende frå andre kjelder, og er såleis uråd å identifisera nærare.

SAK 80: 30. juni 1366, Fusa: Vitnebrev frå Torgeir Sveinsson og Eivind Øysteinsson. Dei var til stades då **Jon Torleivsson** handtokst med kona si, **Gjertrud**. Ho heldt utanom felaget 8 mmb i Tveit (Strv 108–109 el. Hål 65), 4 mmb i Opsal (Fusa 34), 8 mmb i Holdhus (Hål 48)

287. DN I, nr. 370 og 371; RN VI, nr. 744 og 768.

288. DN II, nr. 291 og DN XVI, nr. 8; RN V, nr. 1018 og 1019. Begge breva er vidisser dagsett Bergen 28. februar 1348. Ved sidan av dette opptre det ein sira *Tord* Fridreksson i to brev om ei jordtvist i Valdres i 1343 (DN II, nr 254 og 257; RN V, nr. 600 og 630), men det er tvilsamt om dette kan vera same mann som den seinare kanniken. Både breva frå Valdres og dei frå 1348, 1358 og 1361 er originalbrev, og det minkar sjansen for feilskriving av namnet. Brev frå 1343 har konsekvent Tord, medan dei andre er konsekvente på Tore.

289. Y. Nielsen 1880b, s. 44–45.

290. G. Pettersen 1992, s. 74.

291. Jf. G. Pettersen 1992, s. 74.

292. DN II, nr. 387; RN VI, nr. 1115.

og Haugen, 3 ½ mmb i Toraldsluten i Gjøen (Hål 75), og 20 kyrlag i klede, samt to spenner i ubrent sølv som Jon gav henne i festegåve, og ei sølje som Jon gav i benkegåve. Sidan la dei felag av eignelutane sine, like mykje frå kvar part.²⁹³

Korkje **Jon Torleivsson** eller **Gjertrud** har vore mogleg å identifisera nærare, men at Gjertrud held så mykje som 23 ½ mmb jordegods utanfor felaget forutan lausøyre, tyder på at dei kan reknast til den lokale eliten.

SAK 81: 28. juli 1366, Bergen: Gåvebrev frå bror **Alv**, biskop på Grønland. Den tomte som ligg rundt [Mikaels]kyrkja på Nordnes, utanfor kyrkjegarden, den eig Gud, Sankt Mikael og Munkeliv kloster. Dei husa som står der har Alv bygt på eigen kostnad med hjelp frå klosteret. Dette har han sanna med eid for den heilage kyrkja og erkebiskop Olav i Nidaros, i nærvere av biskop Gisbrikt i Bergen, drottseten i Noreg, herr Ogmund Finnsson, og prøsten ved Apostelkyrkja, herr Torstein. Med råd og samtykke frå desse har han avgjort at **Tideke Nikolasson**, søstersonen hans, skal ha desse husa så lenge han vil, men sidan skal dei falla under klosteret.²⁹⁴

Denne transaksjonen gjeld ikkje jordeigedom, berre hus, og høyrer kanskje ikkje med her. Det er likevel teke med ettersom huseigarar også gjerne åtte jord; i det minste bør ein rekna med det når det er tale om eit sosialt sjikt der ein hentar biskopar frå. Søsterson til **Alv**, **Tideke Nikolasson**, er elles ukjent i kjeldene, men eg vil rekna han for bymann. Truleg var Alv munk i Munkeliv før han vart biskop.²⁹⁵ Han vart vigd til biskop i 1365, drog til Grønland i 1368 og døyddde ein gong i åra 1376–1378.²⁹⁶

SAK 82: [13. mars] 1367, [Lekve i Ulvik]: Vitnebrev frå Viljalm Eiriksson, prest i Kinsarvik, og «træep» [vel Greip] Erlingsson. Dei var til stades då **Helge Ogmundsson** handtokst med **Eirik Sveinsson** på at Helge, med samtykke frå kona si, **Margreta**, hadde selt til Eirik 4 mmb i øvre tunet i Torblå (Ulv 48) i Ulvik sokn i Hardanger, og fått full betaling.²⁹⁷

Korkje **Helge Ogmundsson** eller **Eirik** opptre i andre kjelder, men på bakgrunn av jordeigedom i Torblå er det rimeleg å rekna Helge Ogmundsson som son til Ogmund og Herborg på Eide frå 1340, og dermed også **Margreta** som identisk med Margreta på Eide frå 1340 (sjå sak 59). Sosialt let dei seg likevel ikkje identifisera nærare.

293. DN XVI, nr. 27; RN VI, nr. 1132, feildatert til 7. juli i DN.

294. DN XII, nr. 103; RN VI, nr. 1141.

295. Jf. P. A. Munch 1862, s. 930–931.

296. Kolsrud 1913, s. 283.

297. DN XXI, nr. 122; RN VI, nr. 1193.

SAK 83: 24. mars 1368, Vik i Sogn: Salsbrev frå **Orm Ogmundsson**. Han har selt 2 ½ mmb i midtgarden i Ve (Ård 9) i Årdal i Sogn til **Jomar Erlingsson**, og fått full betaling. Kona hans, **Gunnhild**, samtykte i salet.²⁹⁸

Ingen av desse har eg funne meir om.

SAK 84: 15. april 1369: Salsbrev frå **Viking Ivarsson**. Han har selt 3 mmb i øvre Børve (Ull 78–79) i Ullensvang sokn i Hardanger til **Sigvat Sumarlidesson**, og fått full betaling.²⁹⁹

Viking Ivarsson har eg ikkje funne i andre kjelder, men **Sigvat Sumarlidesson** opptretter som brevutferdar i to andre brev frå 1358 og 1363. I 1358 er han skriven like etter Amunde Arnbjørnsson av stormannsætta på Aga og Byre;³⁰⁰ i 1363 utferdar han brev saman med presten på Ullensvang.³⁰¹ Det indikerer i det minste tilhøyrse til den lokale eliten.

SAK 85: [9. august 1368–17. august 1369]: Salsbrev frå **Sigurd Grimsson**. Han har selt til **Olav Torsteinsson** 1 mmb i Skeie (Vikøy 21) i Vikøy sokn – det som Sig.... bonde på Børseim overlot til han og **Tord [Grimsson]**, bror hans, i farsarv – for 4 kyrlag.³⁰²

Korkje **Sigurd** eller **Tord** er funne i andre kjelder. **Olav Torsteinsson** kan på si side moglegvis vera den same som den Olav Torsteinsson som er nemnt sist av fire menn, etter abbeden i Munkeliv, lagmannen i Bergen, samt rådmann Arnfinn Brattsson i Bergen, som den 13. juli 1379 utferdar eit transkript av eit vitnebrev frå 1328.³⁰³

SAK 86: 28. september 1369, Eikelandsvågen i Kvinnherad: Makeskiftebrev frå **Martein Sveinsson**. Han har overdrege til Munkeliv kloster 5 mmb i Haukanes (Var 15) på Varaldsøy i Sunnhordland, mot å få 5 mmb i Eikeland (Kvi 33) på Hatlestranda. Dersom heimelen til jorda i Haukanes sviktar, skal klosteret få attende jorda i Eikeland.³⁰⁴

Eg har heller ikkje funne meir om **Martein Sveinsson**.

SAK 87: 10. februar 1370: Salsbrev frå **Hallvard Arnesson**, prest på Tønjum. Han har selt 1 mmb i nedste stova i Raude-Botolv-tunet i Dyrdal (Aur 67) til **Filippus Ingvardsson**, og fått full betaling.³⁰⁵

298. DN IV, nr. 472; RN VI, nr. 1261.

299. DN IV, nr. 481; RN VI, nr. 1352.

300. DN I, nr. 356.

301. DN III, nr. 333.

302. DN XXI, nr. 131; RN VI, nr. 1386.

303. DN I, nr. 457; RN VII, nr. 808.

304. DN XII, nr. 104; RN VI, nr. 1403.

305. DN XVIII, nr. 27; RN VII, nr. 18.

Meir har eg ikkje funne om desse to.

SAK 88: 13. februar 1371, Bergen: Makeskiftebrev frå **Sigurd Greipsson**. Han har makeskifta sin eigedom indre Takvam (Haus 79) til Munkeliv kloster, mot å få garden Landro (Fjell 24).³⁰⁶

På Haus den 12. mars 1371 kvitterer **Tjostar Ormsson** at han har motteke full betaling av Sigurd Greipsson for eigedomen Takvam (Haus 79–80).³⁰⁷

Heller ikkje om desse har eg funne meir enn kva som er sagt i desse to breva.

SAK 89: 20. juli 1374, Karmsund: Vitnebrev om kverrsetjing frå kong Håkon [6. Magnusson]. Då **Sigurd Kolbeinsson** var ombodsmann på Grønland, kjøpte han jordegods og anna arv som **Bård Dies** før hadde ått. Ettersom kongen har forkjøpsrett til all handel, kverrset kongen no den arven som Bård åtte i Holmedalen på Bryggen i Bergen inntil lovleg dom er avsagt vedrørende arven etter Bård på Grønland.³⁰⁸

I Bergen den 23. mai 1375 kunngjer Gunnar Hjarrandesson, Gulatings og Bergens lagmann, at Erlend Filippusson, fehirde i Bergen, og **Sigurd Kolbeinsson**, etter påbod frå kong Håkon, kom for han på stemne i kongsgarden. Erlends vitner Eirik Ogmundsson og Jon Aslaksson avla eid på at dei var til stades då Erlend leste opp kongens brev for Sigurd, (der kongen kverrset) Sigurds gard Holmedal og tilhøyrande jordegods. Erlend skulda Sigurd for at han hadde kjøpt arvegods på Grønland trass i at kongen hadde forkjøpsrett slik det vert sagt i Bjarkøyretten. Erlend tildømte kongen arven. Sigurd kan ved tolv menns dom fri seg frå skuldninga om forræderi.³⁰⁹

Det har ikkje lukkast å finna meir om **Bård Dies** i kjeldene, og det er dermed vanskeleg å plassera han sosialt. Det at han eig i bygarden Holmedalen i Bergen er likevel ein indikasjon på at han tilhørte den lokale eliten. P. A. Munch reknar han som bymann i Bergen, noko som heller ikkje kan utelukkast. Med omsyn til **Sigurd Kolbeinsson** må han reknast til aristokratiet, i eigenskap av at han var kongens ombodsmann på Grønland, kan henda jamvel med systemmannsrettar.³¹⁰ Han opptretr elles som medutferdar av ei vidisse i Bergen i 1376.³¹¹

306. DN XII, nr. 105; RN VII, nr. 104, feildatert i DN til 12. februar.

307. DN XII, nr. 106; RN VII, nr. 111.

308. DN XV, nr. 29; RN VII, nr. 430.


309. DN XXIII, nr. [47].

310. Jf. P. A. Munch 1863, s. 25 og 33.

311. DN III, nr. 407; RN VII, nr. 629.

SAK 90: 6. desember 1374, Bergen: Salsbrev frå **Audun Eiriksson**. Han har selt jorda Fokstad (Bruv 17) i Bruvik sokn i Oster til **Eindrige Bjaxe** («biaghxa») for 5 forngilde mark, og fått full betaling.³¹²

Meir er ikkje kjent om desse to. Tilnamnet til **Eindrige**, bjakse (norr. *bjaxi*), tyder kakse eller stormann,³¹³ og *kan* indikera ei tilhøyrslse til i det minste ein lokal elite. Det er likevel uråd å seia noko sikkert om dette.



Figur 12. Segla til brørne Asgaut (t. v.) og Alv Nikolassoner frå 1375–1376 (*NøSigV*, nr. 950 og 951).

SAK 91: [9. august 1375–17. august 1376]: Forliksbrev om arv frå **Asgaut Nikolasson** og hans bror **Alv**. Dei og **Sigrid Helgesdotter** har vorte forlikte om arven etter bror deira **Torgils [Nikolasson?]**. Dei to gav avkall på vidare arv, mot at Sigrid Helgesdotter avstod 2 mmb jord i Vik (Fjb 38) i Fjellberg sokn i Sunnhordland til **Jon Dags-son**. Brørne Asgaut og Alv mottok full

betaling av Jon for jorda, som var deira arv etter broren.³¹⁴

Sigrid er ut frå konteksten truleg enkje etter **Torgils**. Det har ikkje vore mogleg å identifisera desse personane nærare, då eg ikkje har funne dei omtalte i andre dokument. Segla deira gjev heller ikkje nokon indikasjonar på kva sosial status dei hadde, ettersom bumerkesegl like gjerne vart nytta av aristokratiet som av bøndene.³¹⁵

SAK 92: 16. juli 1378, Bergen: Gåvebrev frå **Ivar Sigurdsson**. Han har gjeve 6 mmb i Tjoflåt (Ull 123) i Kinsarvik sokn i Hardanger til Munkeliv kloster til sjelehjelp for seg sjølv.³¹⁶

Utgjevarane av *RN* identifiserer **Ivar Sigurdsson** med bergensrådmannen av same namn,³¹⁷ og som opptretr som brevutferdar i 1388 og 1390.³¹⁸ Dersom dette er rett, noko som slett ikkje er usannsynleg, må han reknast til aristokratiet. Ut over dette opptretr det også ein Ivar Sigurdsson i

312. *DN V* nr. 278; *RN VII*, nr. 458.

313. Fritzner I, s. 145; E. H. Lind 1920–1921, sp. 22.

314. *DN V* nr. 290; *RN VII*, nr. 591.

315. Asgaut Nikolasson er ikkje identisk med Tønsberg-rådmannen med same namn, kjent frå 1390-åra og frametter, ettersom han fører eit anna seglmerke enn Asgaut Nikolasson i 1375–1376 (*NøSigV*, nr. 950; jf. nr. 1200).

316. *DN XII*, nr. 109; *RN VII*, nr. 744.

317. *RN VII*, s. 589.

318. *DN II*, nr. 509; *RN VII*, nr. 1433 (1388). *DN I*, nr. 527; *RN VII*, nr. 1642.

1402 som lagrettemann i Hardanger,³¹⁹ og ein i 1401 som kjøper jord i Sogn (sjå sak 109). Dette kan alle vera ein og same mann, men som Grete Solberg peikar på er Ivar Sigurdsson ein nokså vanleg namnekombinasjon, og ein må dermed vera varsam med å trekkja for sikre konklusjonar.³²⁰

SAK 93: 16. april 1380, Ullensvang: Vitnebrev utferda av Andres Lodensson, prest på Ullensvang, Arnvid Sigvatsson, lensmann i Hardanger, og lagrettemennene Kolbein Torsteinsson og Tore Andorsson. Dei var til stades då **Torkjell Romundsson** vedgjekk å ha selt 7 ½ mmb i indre tunet i Helland (Ull 71) i Ullensvang sokn til **Tore Jonsson**. Sidan selde Torkjell også 2 ½ mmb i same jorda, og tredjeparten av hus og frukthage til Tore Jonsson. Torkjell vedgjekk å ha fått full betaling.³²¹

Den 9. juli 1381 vitnar dei same fire at dei var til stades då **Torkjell Romundsson** selde til **Tore Jonsson** 7 ½ mmb i indre tunet i Helland i Ullensvang sokn i Hardanger. Av dette skal Ullensvang kyrkje ha ½ laup årleg til vedlikehald av søre bordtak. Torkjell vedgjekk å ha fått full betaling.³²²

Torkjell Romundsson er ikkje kjend frå andre kjelder, men med bakgrunn i det svært sjeldsynte namnet Romund,³²³ er det freistande å tenkja seg slektskap mellom han og berarar av namnet på Voss som til dømes Peter Romundsson (sjå s. 209) eller Birning Romundsson (sjå s. 243).

Tore Jonsson er på si side ein svært vanleg namnekombinasjon. Likevel er det grunn til å rekna med at denne Tore Jonsson er identisk med han som er mellom utferdarane av eit brev på Instanes i Ullensvang i 1377.³²⁴ Vidare er det rimeleg å gissa på at han må vera far til den Orm Toresson som i 1412 er sagt å ha kjøpt jord i Helland, og som ser ut til å ha tilhøyrt den lokale eliten (sjå sak 120). Dermed er det rimeleg også å rekna Tore Jonsson til dette sjiktet. Torkjell Romundsson er det derimot uråd å identifisera nærare.

319. DN XII, nr. 137.

320. G. Solberg 1975, s. 155–156.

321. DN III, nr. 428; RN VII, nr. 857.

322. DN IV, nr. 519; RN VII, nr. 957, i DN datert til 10. juli 1380 el. 1381.

323. Sjø E. H. Lind 1905–1915, sp. 591.

324. DN IV, nr. 506; RN VII, nr. 673. Eg trur derimot ikkje han er identisk med den Tore Jonsson som utferdar brev i Lærdal i 1385 (DN III, nr. 462; RN VII, nr. 1223), slik utgjevarane av RN VII, s. 628, meiner. Snarare er denne Tore Jonsson identisk med han som er omtalt i eit brev frå Valdres i 1390 (DN IX, nr. 183; RN VII, nr. 1595).

SAK 94: 13. august 1380, Vereide i Gloppen: Vitnebrev frå Torbjørn Andresson, prest på Vereide, Rikard Jonsson og Ivar Grimsson. Dei var til stades då **Cecilia Ivarsdotter** gav 7 månadsmatleiger jord i Igland (Brem 13) i Grotle sokn i Bremanger til frenden sin **Isak Eindridesson**. Til vederlag skulle Isak forsørgja henne medan ho levde, og vera hennar ombodsmann. Cecilia skulle ha landskyld av jorda medan ho levde, sidan Isak.³²⁵

Ingen av desse to er omtalte i andre kjelder, og kan dermed ikkje identifiserast sosialt.

SAK 95: 23. november 1380, Hause i Granvin: Vitnebrev frå Arnvid Sigvatsson, lensmann i Hardanger. Han var til stades då **Pål Arnesson** handtokst med **Hermod Arnvidsson** vedrørende garden Ystås (Gra 115) i Granvin sokn i Hardanger, som **Arne**, far til Pål, hadde selt til Hermod for 5 kyrlag. Då Arne døydde stod det att 1 kyrlag som Hermod betalte til Pål, slik at dei var forlikte. Jorda var frels.³²⁶

Det har ikkje lukkast å identifisera nokon av desse nærare.

SAK 96: 27. mai 1381: Vitnebrev frå Arnvid³²⁷ Sigvatsson, lensmann i Hardanger, Havtor Erlingsson, Jørund Helgesson og Sigvat Eindridesson. Dei var til stades den 27. april då **Amund Marteinson** kom på stemne på Ullensvang og førte vitna Einar Torleivsson, Torstein Sæmundsson og Gudrid Sæbjørnsdotter som avla eid på at dei var i storstova på Reisæter i Ullensvang sokn i Hardanger då **Martein Helgesson**, frisk på lekamen, gav til sin son Amund 3 ½ laupsbol i midtstova («myllostofu») i Reisæter (Ull 53) og 1 mmb og 1 pundsbol i nedste tunet i Utne (Ull 108) i Kinsarvik sokn. Brevet finnest berre i ei avskrift frå kring 1800, og under avskrifta er det ei teikning av seglbretten med tre segltreimar, og følgjande påskrift: «Den ombrudte Kant for Seglene then jend reidsetter soldhe silfast vikingshom». ³²⁸

Silfest Vikingsson av ætta på Hovland i Ullensvang (sjå s. 428) har vel då anten kjøpt denne jorda seinare, eller arva den, før han så har selt den igjen. Eg har ikkje funne korkje **Amund Marteinson** eller **Martein Helgesson** i andre mellomalderbrev, slik at det er vanskeleg å identifisera dei nærare.

SAK 97: 10. august 1381, Fitjar: Vitnebrev frå Sigurd Halldorsson, Sigstein Sigurdsson, Hallvard Knutsson og Bård Helgesson. Dei var til stades då **Sigurd Hallgeirsson** gav til **Ogmund Ogmundsson** og **Bergljot (Begga) Bårdsdotter** begge Eikelandsgardane (Fin 11) i Moster sokn i Kårevik skipreide og «Trodass a Bastass mork». ³²⁹ Det var ikkje lenge dei sat på dette

325. DN IX, nr. 175; RN VII, nr. 885.

326. DN XII, nr. 110; RN VII, nr. 925.

327. Brevteksten har Amund, men dette må vera feil avskrift for Arnvid. Jf. t.d. saka ovanfor.

328. DN XXI, nr. 162; RN VII, nr. 949.

329. DN XII, nr. 112; RN VII, nr. 970.

jordegodset, for i 1385 utferdar abbed Jon i Munkeliv og hans konventbrør eit vitnebrev, der det kjem fram at Ogmund Ogmundsson har gjeve 7 mmb i Eikeland i Moster sokn i Kårevik skipreide, verd 20 kyrlag, i provent for si hustru Bergljot Bårdsdotter, til ære for Mikael-sklosteret, henne til sjelehjelp og bordhald. Dessutan femna gåva kalvar, geiter og sauer for 20 kyrlag, hest og ross og ½ lest korn verd 10 kyrlag, og øvrig verd 11 ½ kyrlag. Bergljot var teken opp i brødrelaget i klosteret og skulle ha mat og drikke som prestebrørne. Kwart år skal ho ha 1 ½ stykke mjøl, 3 laupar smør, og ho skal ha så mange loft med sine kleivar og kjellar under og høgsete i stova slik at ho bur godt. Når ho døyr skal Ogmund ha desse husa. Han har også gjeve til klosteret skogen «Trodass a Bastas mork».³³⁰

Det er litt uklårt kvar denne skogen låg. Tradisjonelt har ein rekna med at det er tale om Tråvåsskogen under Tråvås (Val 13) i Valestrand,³³¹ men det kan like gjerne vera snakk om ein skog på Baståsen i Finnås under garden Indre Sætre (Fin 32). Problemet er at Munkeliv ikkje eig i nokon av desse to gardane i tidleg nytid, og noko sikkert kan ikkje seiast.

Seljaren i 1381, **Sigurd Hallgeirsson**, er ikkje kjent frå andre kjelder, og er dermed uråd å plassera sosialt. Med omsyn til **Ogmund Ogmundsson** og **Bergljot Bårdsdotter** må ein i det minste rekna dei til den lokale eliten, sjølv om det er uvisst kor mykje vekt ein skal leggja i at Ogmund kallar Bergljot si hustru. Proventbetalinga er høg og proventytingane er av toppklasse,³³² noko som indikerer ein viss sosial status.

SAK 98: 31. mars 1382, Bergen: Gåvebrev frå **Amund Ivarsson**. Han gjev 7 mmb i Romareim (Hos 42) i Mo sokn i Eikanger skipreide til Munkeliv kloster.³³³

Noko meir er ikkje kjent om denne **Amund Ivarsson**. Munkeliv kloster eig elles mykje jord i det same området i seinmellomalder og tidleg nytid. Det kan likevel vera verd å peika på at Gørvel Fadersdatter (Sparre) i 1563 er ført med jordegods³³⁴ på andre sida av Romarheimsfjorden, tvers ovanfor Romarheim, i Elvik (Bru 42) og Mellesdalen (Bru 43). Dette er truleg gammalt Finnegods,³³⁵ og det kan tenkjast at Amund Ivarsson kan ha tilhøyrt den same slektskrinsen som den gamle ætta på Finne.

330. DN XII, nr. 115; RN VII, nr. 1229.

331. G. Pettersen 1992, s. 73.

332. Jf. G. Pettersen 1992, s. 74.

333. DN XII, nr. 113; RN VII, nr. 1009.

334. *Gørvel Fadersdatters regnskap*, s. 26.

335. Det er omtalt som Giskegods i 1647, jf. *Skem 1647 Hordaland*, s. 343, men det tyder ikkje anna enn at det då hadde same eigar som Giskegodset.

SAK 99: [22. juli 1385]: Vitnebrev frå Amund Aslaksson, prest på «Soingualli» (Sogndal?). Han var til stades på «Edby» då **Eindride Ivarsson** og hans kone, **Gislaug Eilivsdotter**, selde 6 laupsbol i Fedjane (Lei 59) i Feios skipreide i Sogn til **Andott Bjørnsson**.³³⁶

Stadnamna i brevet er svært forvanska, og ingen av personane lét seg identifisera nærare i andre brev.³³⁷ Namnet til kjøparen, **Andott**, er likevel svært uvanleg, og førekjem nesten berre i norske mellomalderbrev frå Telemark og Valdres.³³⁸ Det einaste unnataket er ein Dag Andottsson som har ått jord i Hardanger (sjå sak 164). I nokre norske våpenbøker frå slutten av 1600-talet finn ein teikningar av våpenet til ein Andott Bjørnsson, og på bakgrunn av det sjeldsynte namnet er det rimeleg å rekna med at det er tale om same mann. Våpenet viser eit dyrehovud, truleg eit bjørnehovud, på blå botn,³³⁹ og indikerer i høgste grad at Andott Bjørnsson må reknast til aristokratiet.

SAK 100: 28. mai 1389, Bergen: Vitnebrev utferda av Jon Bjørnsson, Jon Bjarnesson og Torgeir Halldorsson. Dei var til stades då **Aslak Bårdsson**, i ombod for kona si, selde til **Gunnar Bjørnsson** dei 6 husa i ytre Destingen i Korskyrkjesoknet på Stranda i Bergen, som **Sigurd Josteinsson Desting** hadde pantsett til Gunnar. Aslak kjende seg ikkje mann for å innløysa pantet.³⁴⁰

Meir enn dette har eg ikkje funne om **Aslak Bårdsson**, dersom han då ikkje skulle vera identisk med ein lagrettemann i Sogn med same namn som utferdar eit vitnebrev i Bergen i 1425,³⁴¹ og som er nemnt som vitne i eit anna brev frå 1426.³⁴² Ut frå konteksten i salsbrevet 1389 skulle ein tru at Aslak var gift med dotter (eller i det minste arvingen) til **Sigurd Josteinsson Desting**. Heller ikkje Sigurd er nemnt i andre brev, men han kan knapt ha døydd så svært lenge før 1389, ettersom kjøparen **Gunnar Bjørnsson** er nemnt første gong i 1388.³⁴³ Gunnar Bjørnsson opptretr som rådmann i Bergen tre gonger i løpet av 1389,³⁴⁴ og ved eitt av desse høva sigillerer han som nummer 2 av 8 rådmenn, like etter Harnikt Henningsson som var far til erkebiskop Aslak Bolt.³⁴⁵ Dette, saman med rådmannsembetet, indikerer tilhøyrslse til aristokratiet for Gunnar Bjørnsson. Dei øvrige let seg

336. DN XXI, nr. 174; RN VII, nr. 1242.

337. Det opptretr ein lagrettemann på Hedmark i 1383 (DN VII, nr. 316) som heiter Eindride Ivarsson, men det er lite truleg at det er same mann.

338. E. H. Lind 1905–1915, sp. 1250; E. H. Lind 1931, sp. 899.

339. KB, Uldall 479 4^{to}, fol. 138^r og 169^r, nr. 116 «Andother Biørnsen»; KB Thott 1895 4^{to}, nr. XIII «Andother Biørnsen».

340. DN II, nr. 513; RN VII, nr. 1523, feildatert til 29. mai i DN.

341. DN XII, nr. 180.

342. DN XII, nr. 183.

343. DN XII, nr. 118.

344. DN XII, nr. 119; DN XVIII, nr. 33; DN I, nr. 516. Jf. G. Solberg 1975, s. 152–153.

345. DN XVIII, nr. 33.

ikkje sikkert identifisera sosialt, men det er ikkje urimeleg å rekna folk med byeigedom til den lokale eliten.

SAK 101: 18. januar 1390: Vitnebrev frå Kol Arnesson og Erlend Halleson. Dei var til stades då **Guttorm Kolbeinsson** og **Ragnhild** kona hans handtokst med **Torgeir Finnsson** og vedgjekk å ha selt til Torgeir ½ mmb jord i Ormsjorda under Brekke (Aur 49) i Flåm kyrkjesokn i Aurland for ein kjele verd 12 laupar. Dei vedgjekk å ha fått full betaling.³⁴⁶

Den 5. april 1402 vitnar Kol Arnesson og Håkon Andresson at dei var til stades då **Sigurd Botolvsson** og **Tordis Torgeirsdotter**, kona hans, avstod til **Bothild Ivarsdotter** 7 laupsbol i Arnejorda i øvre tunet i Brekke i Flå[m] kyrkjesokn i Sogn, og 6 kyrlag med, for dei 11 kyrlag som **Torgeir Finnsson** gav til Bothild, kona si, i lovleg gåve då han festa henne. Vil Bothild eller hennar arvingar selja jorda, skal dei først by henne til Sigurd eller hans arvingar. Sigurd skal også vera medeigar i kjellaren.³⁴⁷

Ut over dette har eg ikkje funne fleire opplysningar om dei involverte her, og det er dermed uråd å identifisera dei sosialt.

SAK 102: 19. april 1392, Bergen: Vitnebrev frå Jon Gjeblesson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen, Sigurd Sørkvesson og Andres Gunnarsson. Dei var til stades då **Margreta Eindridesdotter** frelste 1 ½ teig i Espelen (Åsa 94) i Hamre sokn og Arna skipreide i Nordhordland til **Hermod Bjarnesson** og **Ingebjørg Håkonsdotter**, og vedgjekk å ha fått full betaling.³⁴⁸

Ettersom dette brevet er å finna i Munkeliv brevbok, er det etter alt å døma tale om den parten i Espelen som Munkeliv seinare eig. Med omsyn til dei involverte partane har det ikkje lukkast å identifisera dei nærare, trass i at **Margreta Eindridesdotter** truleg er den same som den som opptrer som vitne i ei sak om Bergsbadstova i Bergen i 1408 (sjå sak 613).³⁴⁹

SAK 103: 20. oktober 1392, Kyrkjeide i Stryn: Vitnebrev frå Olav Erlendsson, Ingeborg Jonsdotter og Ingeborg Åmundesdotter. Dei var til stades på ytste Eide i Midstryn skipreide i Nordfjord den 6. november 1391 då **Steinvor Øysteinsdotter** gav til Munkeliv kloster til evig eigedom 2 mmb i Vereide og Langåker (begge i Glo 58) i Gjemmestad skipreide i Nordfjord.³⁵⁰

346. DN XXIII, nr. [60].

347. DN IV, nr. 723; RN VIII, nr. 1088.

348. DN XII, nr. 125; RN VIII, nr. 119.

349. DN II, nr. 601.

350. DN XII, nr. 127; RN VIII, nr. 174.

Jordegodset i Vereide er ikkje nemnt i jordeboka for Munkeliv 1463,³⁵¹ og har truleg vorte løyst inn att av einkvan med odelsrett ein gong før dette. Med omsyn til **Steinvor Øysteinsdotter** er ho tvil-laust dotter av den Øystein på Vereide som opptrer i eit brev frå 1386, stamfar til den såkalla Augustinus-ætta,³⁵² og ho har i det minste tilhøyrt den lokale eliten i Nordfjord.³⁵³

SAK 104: 5. november 1392, Langvin (Innvik prestegard): Avhendingsbrev frå **Peter Ogmundsson** og bror hans, **Jon Ogmundsson**. Dei har gjeve til Munkeliv kloster garden Nos (Inn 91) i Davik skipreide i Nordfjord, av di far deira, og Jon sjølv har bygt garden Valåker (Inn 79) utan heimel.³⁵⁴

Det har ikkje lukkast å finna ytterlegare opplysningar om desse to. Garden Valåker, der både **Jon** og faren (Ogmund) er sagt å ha budd, er ein av dei beste gardane i Innvik,³⁵⁵ og det kan indikera at dei har tilhøyrt eit høgare sosialt sjikt, men det vert ikkje anna enn ei gissing. Den sosiale statusen deira forblir dermed ukjend.

SAK 105: 12. september 1394 eller 11. september 1395, Hjelle i Oppstryn: Vitnebrev frå Hauk prest, Karsson prest i Nordfjord og Arne Jonsson. Dei var til stades då **Isak Ivarsson** handtokst med kona si **Ingebjørg**, og gav henne 10 mmb i Hjelle i Oppstryn skipreide (Stryn 20) dersom ho levde lenger enn han. Dersom Isak levde lenger enn Ingebjørg, skulle han ha hennar medgift, benkegåve og andre gåver.³⁵⁶

Korkje **Isak** eller **Ingebjørg** har eg funne meir om i andre kjelder, og dei let seg ikkje identifisera sosialt.³⁵⁷

SAK 106: [16. april eller 19. august] 1396, Stedje i Sogndal: Vitnebrev frå Guttorm Eilivsson, kannik i Kristkyrkja i Bergen, og Torstein Gunnulvsson. Dei var til stades då **Fridrek Sigvats-son** vedgjekk å ha selt til frenden sin, **Eirik Aslaksson**, 3 ½ mmb i midttunet i «Stynini» (vel Aur 15, Steine)³⁵⁸ i Rygg kyrkjesokn i Aurland, for 7 kyrlag, med samtykke frå brørne sine, og fått full betaling.³⁵⁹

351. DN XII, nr. 232, s. 203.

352. Steinnes 1971, s. 9–10 og 19–20; Aaland 1935b, s. 269. Jf. L. Daae 1881.

353. Steinnes 1971, s. 19–21, argumenterer for at Øystein på Vereide kan ha vore son til riddaren Peter Gudleiksson på Eide (sjå kap. 4.9), og er dette rett må ein rekna denne ættekrinsen til aristokratiet. Eg er likevel uviss på om Steinnes har rett i argumentasjonen sin.

354. DN XII, nr. 128; RN VIII, nr. 179.

355. Aaland 1932b, s. 218.

356. DNI, nr. 546; RN VIII, nr. 330.

357. Aaland 1932c, s. 227–228, refererer eit brev frå 1596 der ein Anders Ivarsson på Trandal i Hjørundfjord på Sunnmøre hevdar å eiga 1 laup smør i Hjelle etter sin far Ivar, og som forfedrane hans hadde ått utan påkjøring i 500 år. Aaland reknar med at dette er den same ætta som Isak Ivarsson har tilhøyrt.

Eg har ikkje funne meir om dei to involverte partane.

SAK 107: 10. april 1398, Aga i Ullensvang: Vitnebrev frå Sigurd Asbjørnsson, Arne Eiriksson, lagrettemenn i Hardanger, og Asgaut Eindridesson. Dei var til stades då **Havtor Erlingsson** gav 3 mmb i «hauganum» i inste tunet i øvre Børve (Ull 79) i Ullensvang kyrkjesokn til søster si, **Sigrid Erlingsdotter**, som ho hadde arva etter sitt ektefødde barn. Havtor skal ha landskylda medan han lever, men Sigrid og hennar arvingar seinare. Havtor hadde gjeve denne gåva og vedgått at Sigrid ikkje hadde fått full arv hjå han etter sine foreldre, alt mange år før Havtor gifta seg med Ragna(?) Gilsdotter («ragnadar gyls dotter»).³⁶⁰

Heller ikkje desse to har eg funne meir om, og kor vidt det er eit slektskap mellom dei og dei andre personane som i mellomalderen har eige i Børve (sjå sak 69, 84, 419, 455, 457 og 491) er uvisst.

SAK 108: 22. august 1400, Bergen: Stadfestingsbrev frå biskop Jakob i Bergen. Han stadfestar det makeskiftet som sira Ogmund Olavsson i Vik i Nordfjord har gjort med **Sigurd Valtjovsson** av begge (vel Utvik og Innvik) kyrkjenes gods i Vik. Bakpå brevet står det «Berge och Languin. – Langvin och Bergie».³⁶¹

At det er tale om gardane Berge og Langvin (prestegarden i Innvik) i Innvik kjem fram i eit brev dagsett Vereide i Gloppen den 27. juli 1401. Då vitnar Torbjørn Andresson, prest på Vereide, Sigurd Sæmundsson og Bjørn Jonsson, at dei var til stades då sira Ogmund Olavsson, prest i Vik, med samtykke frå biskop Jakob i Bergen, gjorde makeskifte med Sigurd Valtjovsson, slik at sira Ogmund på prestebolets vegne skal eiga 8 ½ mmb i Skakketeigen i Langvin (Inn 46) i Innvik i Nordfjord. Mot dette får Sigurd Valtjovsson 7 mmb i Berge (Inn 74) og 4 mmb i Hammar (Inn 72/89), begge i Utvik kyrkjesokn i Nordfjord, og som har lege til prestebolet på Langvin.³⁶²

Eg har ikkje funne meir om **Sigurd Valtjovsson**, men kan henda er han far eller vérfar til den Peter Humle som i 1431 vert tildømt dei same gardane. I Bergen, den 20. juni dette året vitnar fire lagrettemenn frå Nordfjord at dei var til stades på lagtinget i Bergen og såg og hørte at **Peter Humle** vart tildømt gardane Hammar og Berge i Utvik kyrkjesokn i Nordfjord.³⁶³ Heller ikkje Peter Humle er råd å identifisera nærare.³⁶⁴

358. Det kan også vera tale om gnr. 58, Styvi, men denne ligg i Nærøy sokn. Rygg kyrkjesokn ser ut til å ha femna delar av det som i dag er hovudsokna i Aurland. Sjå t. d. Ohnstad 1962, s. 144–151. Jordegodset til kyrkja på Rygg, som i 1544 vart overført til Krosskyrkja i Bergen, er også plassert sentralt i Aurland, jf. DN IX, nr. 763.

359. DN IV, nr. 665; RN VIII, nr. 453.

360. DN XXI, nr. 204; RN VIII, nr. 624.

361. DN XIV, nr. 19; RN VIII, nr. 870.

362. DN XIV, nr. 22; RN VIII, nr. 1019.

363. DN II, nr. 706.

SAK 109: Ingvild Øye skriv i bygdeboka for Sogndal at to no forsvunne gardar i Fardalen i Sogndal som er nemnte i to brev frå 1400-talet, kan tenkjast å ha lege i Øvstedalen.³⁶⁵ Dei to breva det er tale om er følgjande:

Den 8. juli 1401 vitnar to menn at dei var til stades då **Olav Bårdsson** og **Erling Bjarnesson** og konene deira, **Sigrid** og **Gunnhild**, selde 8 ½ mmb i «Viuelstodom» i Fardalen til **Ivar Sigurdsson** for 11 kyrlag.³⁶⁶

I 1442 utferdar **Eiliv Sigurdsson** eit salsbrev i Bergen. Han har selt til **Jon Ivarsson** så mykje som han eig i «Ægger husum» i Fardalen i Ylmeim kyrkjesokn i Norum i Sogn, og fått full betaling.³⁶⁷

Argumentasjonen til Øye verkar overtydande, og det er dessutan moment i jordeigedomstilhøva på 1600-talet som kan vera med å støtta opp under dette. I tillegg er det påskrifter bakpå begge desse breva som viser at dei begge vart lagte fram for retten på tinget på Nornes den 9. mars 1641,³⁶⁸ og bakpå 1442-brevet er det frå same tid ei påskrift som kallar brevet «Breff om Øffstedall».³⁶⁹ Det viser at det har vore ein samanheng mellom begge desse to breva også på 1600-talet. Øvstedalen (no gn. 74–77 i Sogndal) var i førstninga av 1600-talet i hovudsak ått av sognegreina av den vestnorske lågadelsslekta som i litteraturen er omtalt som Dall (sjå kap. 4.41). Stamfaren for denne ætta er ein elles ukjend Ivar, som det kan sjå ut til opphavleg kom frå nettopp Sogn. Han hadde dessutan ein son med namnet Jon. Begge desse namna er svært vanlege, men det kan likevel synast noko påfallande at nettopp kjøparen av jorda i «Ægger husum» i 1442 heitte **Jon Ivarsson**. Kronologisk sett er det inkje i vegen for at denne Jon Ivarsson kan ha vore far eller farfar til nettopp Ivar «Dall», og at Jon igjen kan ha vore ein son av **Ivar Sigurdsson** frå 1401-brevet. Dersom dette er rett, må både Ivar Sigurdsson og Jon Ivarsson reknast til aristokratiet. Ut frå kontekst er det rimeleg å rekna dei to seljarane i 1401 som mågar, og at dei var gifte med to søstrer som har ått jorda. Kan henda var dei søstrer av Ivar Sigurdsson. **Erling Sigurdsson** som sel jorda i 1442 har truleg også tilhøyrt same slektskrinsen – kan henda var han ein brorson eller eit søskenbarn til Jon Ivarsson. Diverre

364. Aaland 1932b, s. 180, reknar han som farfar til ein Peder Humle som opptrer som lagrettemann i Nordfjord i 1576, men etter mitt syn er dette eit altfor langt kronologisk sprang til at det kan vera rett. At det truleg er eit slektskap er derimot sannsynleg.

365. Øye 1986, s. 288–289.

366. DN IV, nr. 719; RN VIII, nr. 1014.

367. DN IV, nr. 886.

368. Denne tingboka er tapt, slik at det diverre ikkje er mogleg å sjå korleis breva vart nytta i retten. Dei bevarte tingbøkene for Indre Sogn tek til i 1648.

369. UBB, Diplomsamlinga.

er ingen av dei involverte personane nemnte i andre mellomalderkjelder,³⁷⁰ slik at det er vanskeleg å seia noko sikkert om den sosiale statusen deira. Segla deira har heller ikkje overlevd tidas tann.

SAK 110: 23. april 1402, Bergen: Vitnebrev frå bror Steinar Aslaksson i Jonskyrkja i Bergen, og Arvid Ingjeldsson, rådmann i Bergen. Dei var til stades då **Eiliv Arnesson**, frisk på sinnet men sjuk på lekamen, gav til Munkeliv kloster i sitt testamente, eit par hus, loft og bu i Vilborg-luten i Arnegard, nest ovanfor dei sjøhusa som han gav til Jonskyrkja, for at dei skulle halda årtida hans ein gong og 30 sjelemesser kvart år.³⁷¹

Meir har eg ikkje funne om denne **Eiliv Arnesson**, men det at han eig i ein bygard i Bergen skulle vera tilstrekkeleg til å rekna han til den lokale eliten i byen.

SAK 111: 5. mai 1402, Berge i Strandebarm(?): Vitnebrev frå sira Sigvat Olavsson, Sigurd Sigvatsson og Kjetil Erlendsson. Dei var til stades på setstova i Eide den 1. mai då **Silfest Eilivsson**, på vegne av si søster **Sunniva [Eilivsdotter?]**, selde til **Viking Gunnleiksson** 2 ½ mmb i Drage (Jon 42) i Jondal kyrkjesokn, for 8 kyrlag, og vedgjekk å ha fått full betaling.³⁷²

Ingen av dei involverte har det vore mogleg å identifisera sikkert nærare, men eg held det for sannsynleg at **Viking Gunnleiksson** er identisk med den Viking Gudleiksson (etter avskrift frå 1700-talet) som er nemnt som nummer fire av seks lagrettemenn som utferdar eit brev på Talgje i Ryfylke i 1409.³⁷³ Det fører han inn i den lokale eliten.

SAK 112: 26. april 1403, Bergen: Vitnebrev frå Arnulv Gunnarsson, tidlegare lagmann i Bergen, og Orm Isaksson, rådmann i Bergen. Dei var til stades då **Tjodhild Helgesdotter** gav til herr Jon, abbed i Munkeliv, den tomten som heiter «Karatuft» og som ligg inntil «Slæpalangenom»,³⁷⁴ og så mykje som ho eig i Kringla i Peterskyrkjas sokn, samt så mykje gods som ho arva på Hjaltland etter sin far, sira **Helge**, nemleg i Hamar i Northmavine.³⁷⁵

370. G. Solberg 1975, s. 155–156, meiner at Ivar Sigurdsson kan vera identisk med bergensrådmannen av same namn (sjå sak 92), men dette er uvisst.

371. DN XII, nr. 136; RN VIII, nr. 1096.

372. DN XV, nr. 41; RN VIII, nr. 1102.

373. DN XXI, nr. 249; RN VIII, nr. 1216.

374. Med omsyn til plasseringa av «Karatuft» og «Slæpalangenom», kjem det fram opplysningar i eit brev frå 1418 som kastar meir ljøs over dette. Den 12. desember 1418 vitnar Olav Jonsson, prebendatus ved Mariaalteret i Kristkyrkja i Bergen, Hannes Tidekesson, prest ved Katarinakyrkja, Peter Jensson, rådmann i Bergen, og Hanis Eintwintigh, at dei var til stades då hustru Elin Jonsdotter og Sigrid Halldorsdotter vitna for ombodsmannen til Munkeliv kloster, at dei hadde høyrte av gamle folk at den garden som sira Jens Nikolasson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen, hadde, som vart kalla «Slæpalongen» og som tilhørte Lavranskyrkja, heitte eigentleg Skallegard, medan tomta utanfor heitte «Slæpalangen» og den innanfor heitte «Karen» (DN XII, nr. 165). I 1479 er det strid om garden «Kare» i Bergen om kor vidt den tilhører høgalteret ved Mariakyrkja, eller ei ikkje namngjeven kvinne i Lübeck som hevda at frendane hennar hadde ått garden før henne (*Norske Magazin*, bd. I, s. 574–575). Jf. også B. Lorentzen 1951, s. 164 og 248–249, og Helle 1982, s. 248–249, som begge plasserer gardane ved Øvrestretet.

Korkje **Tjodhild** eller sira **Helge** kan identifiserast sikkert nærare, men ettersom sira Helge eig jord på Hjalmland forutan kan henda også i Bergen, kan ein tenkja seg at han kan ha vore kannik i Bergen.³⁷⁶ Prestebarn ser elles ut til å ha hatt relativt høg sosial status i seinmellomalderen, og på bakgrunn av dette, kombinert med jordeigedom, vil eg rekna Tjodhild til den lokale eliten.

SAK 113: 12. juni 1403, Andenes: Vitnebrev frå Aslak Ulvsson, Sigurd Bårdsson og Helge Jonsson. Dei var til stades då hustru **Gudrun Tordsdotter** og jomfru **Gyrid Torbergsdotter**, på vegne av seg sjølv og si søster **Sigrid**, gav sitt fulle ombod til Tord Trondsson til å handla, på like fot som dei sjølve, vedrørande deira farsarv.³⁷⁷

Brevet er som ein kan sjå utferda på Andenes, og det er uvisst om det har noko å gjera med jordegods og i undersøkingsområdet. Originalbrevet kom likevel inn til til Riksarkivet frå Ullensvang i Hardanger, og på bakgrunn av både hustru og jomfrutitlar er det rimeleg å rekna med at det også er tale om jordeigedomar i den aktuelle farsarven. På bakgrunn av tittelbruken er det ingen tvil om at dei tilhøyrer aristokratiet. Eit aktuelt spørsmål er elles om jomfru **Gyrid** som vi møter i dette brevet, kan vera identisk med hustru Gyrid Torbergsdotter (sjå s. 369) som i 1452 eig Store Brandvik på Stord i Sunnhordland, og som var gift inn i ætta på Torsnes (sjå kap. 4.20). Det er slett ikkje usannsynleg.

SAK 114: 8. juli 1405, Bergen: Kunngjering frå bror Jon, abbed i Munkeliv. Han har overlate til Arne Andresson og Ingebjørg Einarsdotter, kona hans, dei husa på Fedje (Lin 168,5)³⁷⁸ som klosteret fekk av **Tore(?) «subtilis»**, for deira levetid, med rett til skoghogst og grasgang for sauer. Han vedgår også å ha fått full betaling.³⁷⁹

Eg vil rekna dette for ei bygselkontrakt, snarare enn for eit salsbrev, men det kjem fram opplysningar om at husa i si tid er gjevne til klosteret av ein **Tore «subtilis»**. Dette noko uvanlege tilnamnet er latin, som eg her vil tolka i retning av spissfindig eller grundig,³⁸⁰ kan indikera at han har hatt ei viss utdanning.³⁸¹ Kan henda var han prestelærd. Noko sikkert er likevel vanskeleg å seia om dette.

375. DN XII, nr. 138; *Shetland Documents 1195–1579*, nr. 13.

376. Dette vert likevel berre ei gissing. Ein potensiell kandidat i dette tilfellet vert då Helge Hallsteinsson som er sagt å vera kannik ved Kristkyrkja i 1358 (DN VIII, nr. 171; RN VI, nr. 516).

377. DN XII, nr. 139; RN VIII, nr. 1222. RN identifiserer utferdarstaden som Ådnanes i Sunnhordland, men kva som er grunnlaget for dette kjem ikkje fram.

378. Husa (gnr. 168,5) er det einaste området som Munkeliv kloster eig på Fedje, og det er dermed truleg tale om denne garden. Resten av Fedje (med unnatak for Koppen (gnr. 168,1) som er Apostelgods) er krongods i 1661.

379. DN XII, nr. 140.

380. Jf. J. Johanssen et al. 1998, s. 654, s. v. «subtilis»; E. H. Lind 1920–1921, sp. 368. Nytt substantivisk kan det også vera ei nemning for eit klesplagg brukt av ei subdiakon (*Lexicon Minus*, bd. II, s. 1305).

SAK 115: 1. mars 1406: Vitnebrev frå Øystein Torleivsson og Torstein Hallvardsson, lagrette-
menn, og Bjørn Eiriksson. Dei var til stades då Bård Jonsson på vegne av Sigmunds arving
Ragnhild forplikta seg å svara hustru **Ingebjørg Trondsdotter** lov og rett. Sigmund hadde
budd på hustru Ingebjørgs gard Kyrkjebø (Haf 76)³⁸² i Solvorn. Ragnhild skulle halda alle lov-
lege avtaler som Bård gjorde på hennar vegne.³⁸³

På bakgrunn av hustrutittelen til **Ingebjørg Trondsdotter** må ho reknast til aristokratiet.³⁸⁴

SAK 116: 27. november 1408, Bråvoll i Kinsarvik: Kunngjering frå **Ivar Eiriksson**. Han har
frelst for **Hallvard Torgeirsson** 2 ½ mmb i Oppeim (Ull 30) i Odda kyrkjesokn i Hardanger,
som **Gunnar Erlingsson** kjøpte av brørne («okker brødronom», vel då Ivar og Hallvard som
då helst har vore halvbrør på morssida, alternativt vérbrør).³⁸⁵

Ingen av desse tre har det vore mogleg å identifisera sikkert. Det kan tenkjast at **Gunnar Erlings-
son** er identisk med han som på Lyen i Vågå i Gudbrandsdalen i 1399 inngår forlik om ei arv han
hadde teke til seg,³⁸⁶ men noko meir enn ei gissing vert det ikkje. Det opptretr også ein Ivar Eiriks-
son ved fleire høve i Gudbrandsdalen i første halvta av 1400-talet.

SAK 117: 28. april 1410, Måge i Ullensvang: Kunngjering frå Torleiv Einarsson og Orm
Vigleiksson, gode menn og over 60 år gamle. Den jorda som heiter Hjelle (Ull 26) og ligg i
Odda sokn i Hardanger, er eigeodomen til **Gamall**³⁸⁷ **Tormodsson**, halvt til eige og heilt til

381. Jf. den skotskfødde fransiskanarmunken, teologen og filosofen John Duns Scotus (1266–1308), som vart omtalt
som «doctor subtilis» (Knowles 1962, s. 304; Copleston 1993, s. 476; H.-J. Werner i *LM4*, bd. V, sp. 573, s. v.
«Johannes Duns Scotus»).

382. Kyrkjebø er no forsvunnen som eigen gard, og har gått inn under Hafslø gnr .76, Bjørnetun nedre. Jf. Laberg
1926b, s. 538.

383. *DN IV*, nr. 757.

384. Garden Kyrkjebø ser ut til seinare å ha enda opp hjå adelsslekta Teiste, truleg via Kruckow, for på herredagen i
Bergen den 13. juli 1604, kom for herredagen Niels Bild til Ravnholt, hans fullmektig Jens Sørensson, borgar i
Bergen, og hadde stemna Jon Andersson [Teiste] på «Eyck», og tiltalte han for noko jordegods i Sogn len, lig-
gjande i Hafslø prestegjeld, som først er 2 laupsleiger i Øvrabø («Øffremow») (Haf 75), ½ laup smør i Alsteig
(Haf 27), 2 mæler korn i Kyrkjebø (Haf 76) og 1 mæle korn i Mørkrid («Myckringe») (Lus 25). Dette godset skal
vera tilkomen Nils Bilds fullmektig Jens Kjempe på hans vegne i 1588 for gjeldssak etter salig hustru Gudrun Jon-
sdotter Teiste, tidlegare lagmannshustru i Trondheim, som hennar avdøde husbonde Jørgen Pedersson med sitt
utgjevne brev og segl hadde utgjeve på Trondheim rådstove, og likeeins etter eit skiftebrevs innhald som er gjort
mellom hustru Gudrun og hennar medarvingar, og Jon Teiste skal ha teke til seg dette godset utan lov og dom for
nokre år sidan. Jon Teiste møtte og nekta for at han nokon gong hadde teke til seg dette godset, og at godset aldri
hadde følgt han. Saksøkjar fekk ikkje medhald og vart dømt til å betala kost og tæring (*NHD 1. Række VI*, s. 32–
33).

385. *DN V* nr. 459.

386. *DN III*, nr. 548.

387. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 296.

odel.³⁸⁸

I Vikøy den 2. oktober 1418 vedgår **Torleiv Ivarsson** at han har selt 11 spansbol i Hjelle i Odda kyrkjesokn i Hardanger til **Gamall Tormodsson**, og fått full betaling.³⁸⁹

Torleiv Ivarsson er nok også identisk med han som i 1449 er sagt å ha selt 1 åttung i eplegarden i Hovland (Ull 85) i Ullensvang sokn til Silfest Vikingsson (sjå sak 546).³⁹⁰ Ein Torleiv Ivarsson er overstroken i ei avskrift som Marcus Schnabel gjorde av eit brev om sal av jord i Ulvik i 1423.³⁹¹ **Gamall Tormodsson** har eg ikkje funne meir om. Ingen av dei involverte let seg dermed identifisera nærare.

SAK 118: [september 1409–september 1410]: Avhendingsbrev frå **Sigurd Ivarsson**. Han har gjeve til abbed Stein i Munkeliv 3 mmb jord i «Sællfalle» (Stord 6)³⁹² på Stord i Ådland kyrkjesokn i Sunnhordland, i åbot for husa på Hauge (Os 63) som han har budd i.³⁹³

Garden Hauge, der **Sigurd Ivarsson** må ha budd ei tid, er ein av dei sentrale gardane i Os. Etter ei påskrift i jordeboka for Munkeliv frå omlag 1480–1490, er den sagt å vera bytt bort i 1540 mot garden Hilda (Inn 42) i Nordfjord.³⁹⁴ I 1661 er heile garden Lyseklostergods, og truleg er det dermed med Lysekloster at dette makeskiftet vart gjort i 1540. Om Sigurd Ivarsson har eg ikkje funne noko meir som kan identifisera han sikkert.³⁹⁵

SAK 119: 29. april 1411, Tenål i Vik: Salsbrev frå **Eirik Lodinsson** og **Inga**, kona hans. Dei har selt 7 laupsbol i øvste tunet i Åse (Vik 60) i Flete kyrkjesokn i Arnafjord i Sogn til **Jon Skjeggesson**, for 3 kyrlag per laupsbol. Eirik vedgjekk å ha fått full betaling.³⁹⁶

Eg har ikkje funne meir om nokon av dei involverte.³⁹⁷

388. DN IV, nr. 779.

389. DN VIII, nr. 261.

390. DN IV, nr. 910.

391. DN XXI, nr. 296.

392. Jf. Njåstad 2005, s. 124, med bilete på s. 126.

393. DN XII, nr. 146.

394. DN XII, nr. 257.

395. Det opptre i 1429 ein Sigurd Ivarsson, som er prest og prost på Helleland i Ryfylke (DN IV, nr. 840), og som kan henda er identisk med den Sigurd Ivarsson som i 1430 testamenterer 4 mmb i garden Nordland i Høle (Høle 10) i Ryfylke til domkyrkja i Stavanger (DN IV, nr. 843). Det *kan* vera tale om same mann som opptre i 1409/1410 i Sunnhordland.

396. DN IV, nr. 784.

397. Det opptre ein Eirik Lodinsson som brevutferdar i Oslo i slutten av 1300-talet, men det er neppe same mann. I 1661 er garden Åse i Arnafjord dels bondegods, dels borgargods, dels lokalkyrkjeleg gods, dels adels gods og dels krongods.

SAK 120: 24. februar 1412(?), Hovland i Ullensvang: Vitnebrev frå Viking Ormsson, Svein Ogmundsson og Bjerne Hallsteinsson. Dei var til stades då **Erling Torsteinsson** vedgjekk å ha fått full betaling av **Orm Toresson** for 3 ½ mmb i Loftstova i Helland (Ull 71) i Ullensvang kyrkjesokn i Hardanger, som **Sunniva Halldorsdotter** hadde selt til honom.³⁹⁸

Korkje **Erling Torsteinsson** eller **Sunniva Halldorsdotter** har eg funne meir om, men **Orm Toresson** må vera identisk med han som opptrer som beseclar av eit brev i Kinsarvik i 1425,³⁹⁹ og opptrer som lagrettemann og brevutferdar i 1436, 1439 og 1443.⁴⁰⁰ Ei rimeleg gissing er dessutan at han er son til den Tore Jonsson som i 1380–1381 (sjå sak 93) er sagt å ha kjøpt jord i Helland. Ettersom han opptrer som lagrettemann i Hardanger i tida 1436–1445, og ved alle tre høva er nemnt først mellom lagrettemennene, indikerer det at han må reknast til den lokale eliten i Hardanger. Diverre er ikkje seglet hans overlevert, slik at vi ikkje får ytterlegare informasjon gjennom det.

SAK 121: 20. juli 1413, Austreim i Sogn: Vitnebrev frå Eindride Halldorsson, Sigurd Eiriksson, Eirik Jonsson, Bård Kolbeinsson, Jon Åmundesson og Sigurd Olavsson, lagrettemenn. Kom for dei bror Nikolas [i Munkeliv] på den eine sida, og **Viking Erlendsson** på den andre. Lagretten vurderte åboten på 4 hus på klosterets gard Austreim (Kyr 53) som Viking hadde brukt. Viking Erlendsson vart pålagt å betala manglane ved husa med til saman 10 kyrlag i både jordegods og lausøyre, mellom anna gav han til klosteret 2 mmb i nedre bøen i Vikane (Kyr 26 eller L&B 35–36) i Austreim kyrkjesokn, verd 5 kyrlag.⁴⁰¹

Meir har eg ikkje funne om **Viking Erlendsson**. Han er neppe slekt i den Eindride Halldorsson som i 1399 får jordegods i Austreim, ettersom han opptrer først av lagrettemennene i dette brevet, og dermed må reknast som uhilda i saka mellom Munkeliv og Viking Erlendsson. Det går elles fram av brevet at Viking må ha budd på Austreim, men det åleine er ikkje nok til at han kan reknast for ein «bonde». Austreim er ein sentral gard i Kyrkjebø, og kan like gjerne ha vore sete for storfolk. På den andre sida ser det ikkje ut til at Viking har hatt økonomi til å halda bygningane på garden i god stand, noko som igjen indikerer at han ikkje har vore særskilt velstående. Av den grunn vil eg rekna han mellom «bøndene», altså dei som ikkje kan reknast til nokon av elitane.

398. DN XXI, nr. 261. Dateringa kan også vera 25. mai, 21. september eller 14. desember.

399. DN I, nr. 709.

400. DN VI, nr. 463 (1436), nemnt først av fire lagrettemenn i Hardanger; DN IX, nr. 275 (1439), nemnt først av to lagrettemenn; DN IV, nr. 889 (1443), nemnt først av to lagrettemenn i Hardanger.

401. DN XII, nr. 154.

SAK 122: 31. mars 1414, Føyno i Stord: Vitnebrev frå Jon Arnesson og Knut Gunnarsson, lagrettemenn, og Jon Hallvardsson. Dei var til stades då Sigurd Torgeirsson førte fram to vitner, Kolbjørn Ogmundsson og Gunnar Eiriksson, som vitna at **Hallvard Knutsson** lyste for dei at han gav til **Sæbjørn Sigurdsson** garden Dale (Stord 32) i Ådland kyrkjesokn, i betaling for pengar som Hallvard Knutsson skulda Sæbjørn.⁴⁰² Denne slektskrinsen dukkar også opp i to brev frå 1426. I Munkeliv den 23. oktober 1426 vitnar Eirik Einarsson og Jon Gerekesson, svorne menn i Bergen, at dei var til stades då Aslak Bårdsson, lagrettemann, og Sålaug Avlesdotter vitna at dei såg og høyrde at **Sigurd Torgeirsson** stadfesta og samtykte i mora, **Sigrid Sæbjørnsdotter**, si gåve til Munkeliv kloster på så mykje som ho åtte i Dale i Ådland kyrkjesokn på Stord i Kårevik skipreide, for både dei og deira foreldre til sjelehjelp.⁴⁰³

Den 11. november 1426 vitnar Arvid Ingjeldsson, rådmann i Bergen, og Aslak Bårdsson, lagrettemann i Bergen, at dei var til stades i Munkeliv kring 8. september og høyrte at **Sigrid Sæbjørnsdotter**, med samtykke frå sin son [Sigurd Torgeirsson], gav garden Dale i Ådland kyrkjesokn på Stord i Kårevik skipreide til Munkeliv kloster ved forstandaren herr Hannes, til sjelehjelp og bønehald for seg og sine foreldre.⁴⁰⁴

Hallvard Knutsson, som opphavleg gav garden til **Sæbjørn Sigurdsson**, må ha levd i siste halvta av 1300-talet, og er nok identisk med den Hallvard Knutsson som i 1381 er nemnt som nummer tre av fire brevutferdarar på Fitjar i Sunnhordland.⁴⁰⁵ Dette er for lite informasjon til at det er mogleg å identifisera han nærare. Ut over at ein må rekna Sæbjørn Sigurdsson frå 1414-brevet som far til **Sigrid Sæbjørnsdotter** og morfar til **Sigurd Torgeirsson**, har det ikkje lukkast å finna meir informasjon om dei, og dei let seg dermed ikkje identifisera nærare dei heller.

SAK 123: 4. april 1414, Langvin i Innvik: Vitnebrev frå Ivar Jonsson, Arne Sæbjørnsson og Sæmund Serksson. Dei var til stades då brørne **Simon Steinbjørnsson**, **Eindrude [Steinbjørnsson?]** og **Erling [Steinbjørnsson?]** skifta «Ælldv» mellom seg, utan ein tridjung som dei la under indre Myrold (Eid 84). Bakpå brevet står det med yngre hand «byde breff for Myrolff som Simonn erffde», forutan at det var i retten på Turrvik i 1705.⁴⁰⁶

Ein kontroll av tingboka for 1705, gav ikkje ny informasjon, anna enn at to gamle brev vart lagt fram for retten i ei åstadssak om grensa mellom Turrvik (Eid 85) og Myrold.⁴⁰⁷ Truleg er «Ælldv»

402. DN XII, nr. 155.

403. DN XII, nr. 183.

404. DN XII, nr. 184.

405. DN XII, nr. 112.

406. DN VI, nr. 391.

407. SAB, Sorenskrivaren i Nordfjord, I.D.1b, Tingbok 1705–1707, fol. 46b–49a.

ein del av Myrold, eller kan henda identisk med Nygard (Eid 86). Det har ikkje lukkast å finna meir informasjon om nokon av dei tre brørne.

SAK 124: 2. november 1415: Vitnebrev frå Roar Aslaksson og Torgils Hallsteinsson. Dei kunngjer at **Gunnar Torsteinsson** har gjeve til Munkeliv kloster den jorda som heiter nedre Oppeim (no under Skån 100) i Skånevik sokn i Åkra skipreide, og som er 6 mmb, i provent for seg sjølv i klosteret.⁴⁰⁸

Gunnar Pettersen identifiserer han med ein **Gunnar Torsteinsson** som opptre i Sogn i 1350-åra (sjå sak 78),⁴⁰⁹ men etter mitt syn er det høgst tvilsamt at det kan vera same mann. Pettersen meiner at jordverdet kan liggja på 15–20 mark forngild, og at denne betalinga er såpass låg at det neppe er full betaling for provent.⁴¹⁰ Eg har ikkje funne meir om denne Gunnar Torsteinsson i kjeldene, og det er dermed vanskeleg å plassera han sosialt. Det at han kjøper provent tyder i det minste at han ikkje tilhøyrrer dei lågaste sosiale laga.⁴¹¹

SAK 125: 1417, Fimreite i Norum: Salsbrev frå Han har selt til **Ogmund Tordsson** og **Ingrid Helgesdotter**, kona hans, [6 mmb?] i øvre Hallsæt (Vik 61) og 6 andre («*amnor sex*») i nedre Hallsæt i Arnafjord, og vedgår å ha fått full betaling.⁴¹²

Det har ikkje lukkast å identifisera kjøparane.

SAK 126: 9. oktober 1420, Bergen: Makeskiftebrev frå Hemming Sigmundsson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen. Han har, med samtykke frå brørne sine, kannikane i Bergen, gjort makeskifte med beskjedeleg mann **Olav Ivarsson**, slik at Olav har fått den jorda som heiter Låstad (Haus 15) og som har lege til prebendet ved Krossalteret ved [kong] Sverres gravstad, mot at prebendet har fått igjen 5 mmb i Tunes (Haus 82–83).⁴¹³

Rimelegvis er **Olav Ivarsson** identisk med bergensrådmannen Olav Ivarsson som opptre i eit brev frå 1412, der han er nemnt som nummer fire av tolv rådmenn i Bergen,⁴¹⁴ framfor menn som Sigurd Unasson som tvillaust må reknast til aristokratiet. Dette medfører at også Olav Ivarsson må reknast til dette sosiale sjiktet.

408. DN XII, nr. 158.

409. G. Pettersen 1992, s. 74

410. G. Pettersen 1992, s. 74.

411. Jf. G. Pettersen 1992, s. 107: «Provent i sin alminnelighet er ikke for folk flest».

412. DN XXI, nr. 278.

413. DN IX, nr. 229.

414. DN II, nr. 620. Jf. G. Solberg 1975, s. 170.

SAK 127: [30. september 1423], [Kinsarvik]: Vitnebrev frå Orm Bjørgulvsson, Ivar «Yslason» og Dag Asbjørnsson. Dei vitna at **Gunnar Askjellsson** og hans folk og fedre hadde ått jorda Råi («Rwdh») (Ull 107) i Utne(?) («Vdøø») i Kinsarvik sokn.⁴¹⁵

Eg reknar det som sannsynleg at Gunnar er identisk med den **Gunnar Askjellsson** som er nemnt som nummer fem av dei seks lagrettemennene som utferdar eit brev på Talgje i 1409,⁴¹⁶ ettersom det ser ut til at også dei øvrige må vera frå Hardanger eller Sunnhordland (sjå sak 111).⁴¹⁷ Det er dermed rimeleg å rekna han til den lokale eliten.

SAK 128: 1423, Håeim i Ulvik: Vitnebrev om at **Geirmund Ogmundsson** har selt 1 mmb i ytre tunet i Oppeim (Ulv 55) i Ulvik kyrkjesokn til **Sigurd Aslaksson**.⁴¹⁸

Den 14. februar 1429 vedgår **Holte Toresson** (sjå s. 489) å ha selt 5 mmb i Viknes (Ulv 42) i Ulvik kyrkjesokn til **Grim Ogmundsson**, 2 i eine tunet og 3 i andre tunet, for 7 kyrlag.⁴¹⁹

På Håeim i Ulvik den 22. februar 1430 vedgår **Geirmund Ogmundsson** at han har selt 1 spann mindre enn 2 mmb i Viknes i Ulvik kyrkjesokn i Hardanger til **Grim Ogmundsson**, og fått full betaling.⁴²⁰

Geirmund Ogmundsson er rimelegvis identisk med den Geirmund «Amundason» som opptre som lagrettemann i Hardanger i 1427 og 1436.⁴²¹ Kor vidt han også kan vera den same som den Geirmund «Anundsson» som beseglar eit brev i Stavanger i 1437,⁴²² og som er lagrettemann i Ryfylke i 1450 og då er gift med ei Margreta Eivindsdotter⁴²³ som avstår jord i Voster i Strand (Strand 5),⁴²⁴ er meir uvisst. Anund og Amunde/Ogmund er i utgangspunktet forskjellige namn, men Anund (Ånen) er ei namneform som førekjem oftare på Sørvestlandet,⁴²⁵ og ettersom det truleg er tale om lokale skrivarar i desse breva, er ei slik «feilskrivning» ikkje usannsynleg. Dessutan kan det påvisast tette band mellom jordeigarsjiktet i Ulvik og bispestolen i Stavanger alt på 1300-

415. DN XXI, nr. 295.

416. DN XXI, nr. 249.

417. Eg trur ikkje dette er den same som den Gunnar Askjellsson som beseglar eit brev i 1378 om noko jordegods i Høyland i Gand på Jæren (DN IV, nr. 511), og som vi kjenner seglet til (*NøSigV*, nr. 985).

418. DN XXI, nr. 296.

419. DN XXI, nr. 310.

420. DN XII, nr. 192.

421. DN IX, nr. 243 (1427); DN VI, nr. 463 (1436).

422. DN IV, nr. 866.

423. Ho har tre søstre som også omlag på same tid avstår jord i Voster til biskop Audun Eivindsson i Stavanger. Truleg er søstrene døtrer av ein Eivind Ogmundsson som i 1375 kjøper jord i Voster (DN IV, nr. 504; RN VII, nr. 592), og biskop Audun kan tenkjast å vera bror deira. Jf. Alsvik 1995, s. 69. Valand 1964, s. 14, argumenterer for at dei var det, men han er lite overtydande. Supphellen 1999 nemner ikkje dette i sin biografi over Stavangerbiskopen. Kolsrud 1925, s. 57, meiner at Audun Eivindsson tilhørte ei austnorsk hirdmannsslekt.

424. DN IV, nr. 916.

425. Sjø t. d. Kruken og Stemshaug 1995, s. 219 og 314.

talet (sjå t. d. slektskrinsen kring Lekve i Ulvik, kap. 4.15), og Eidfjord, som ligg like over fjorden frå Ulvik, låg til Stavanger bispedøme. Samidentifikasjonen er likevel såpass usikker at eg ikkje vil leggja vekt på den her, men på bakgrunn av lagrettemannsombodet kan ein likevel rekna Geirmund Ogmundsson til den lokale eliten.⁴²⁶

Grim Ogmundsson har eg ikkje funne meir om, men det er ikkje urimeleg å tenkja seg at han kan vera bror til Geirmund. Eg har heller ikkje funne meir om **Sigurd Aslaksson**, som dermed heller ikkje let seg identifisera nærare.⁴²⁷

SAK 129: 22. juli 1425, Håland i Etne: Salsbrev frå **Torkjell Eiriksson**. Han har selt til **Eiliv Gunnarsson** heile garden Håland (Etne 52–53) i Grindeims sokn i Åkradals tinglag, for 5 mark gull.⁴²⁸

Det er ikkje sagt noko om storleiken på garden i dette brevet. Meir har eg ikkje funne om korkje kjøpar eller seljar, og dei kan dermed ikkje identifiserast nærare. Håland i Etne er eigentleg to separate gardar: Indre Håland og Ytre Håland. Vel ein tredel av Indre Håland er i nytid eigd av Halsnøy kloster, og kan henda åtte klosteret alt i 1425 denne parten. Truleg er det i dette brevet berre tale om Ytre Håland, der halvta i 1661 er bondegods medan den andre halvta er ått av Ludvig Rosenk-rantz. I 1647 er heile Ytre Håland bondegods.⁴²⁹

SAK 130: 6. desember 1425, Kinsarvik: Salsbrev frå **Sigurd Åmundesson**. Han har selt 6 mmb i «Vtams akre» i Kinsarvik sokn i Hardanger til **Bergulv Halleson**, og fått full betaling.⁴³⁰

Ut over dette er **Bergulv Halleson** kjent frå berre eitt anna brev, nemleg eit brev dagsett Utne den 15. november 1417 der han opptrer som brevutferdar saman med Magnus Assersson.⁴³¹ Sist-

426. Dersom han er identisk med han som opptrer i Stavanger og Ryfylke, er det rimeleg grunn til å rekna han til aristokratiet.

427. Han er neppe identisk med sira Sigurd Aslaksson som opptrer i førstninga av 1400-talet, og som var prest på Jevnaker i Oslo bispedøme.

428. DN VI, nr. 424.

429. *Skem 1647 Hordaland*, s. 81–82. Likevel finnest det dokumentasjon på at i det minste delar av garden var adelsgods i tidleg nytid, for i 1574 vedgår Christen Jensson til Kaupanger at han er skuldig ærleg og velbyrdig mann Aksel Frederiksson til Lenes, Bergen og Gulatings lagmann, 60 joachimsthaler for eit lån han har gjeve til han, og dermed har han pantsett frå seg og sine barn til Aksel Fredriksson, hans hustru Anne Gaas og begge deira arvingar, to av hans barns odelsjorder i Sunnhordland: Håland i Etne sokn og skipreide som årleg skuldar 2 laup smør, samt Aksdal (Fjb 41-42) i Fjelberg sokn og skipreide som årleg skuldar 1 laup smør 1 hud (KB, Thott 1279 fol., pag. 52b-53a; jf. *Norske Magazin*, bd. I, s. 510–512). Kor vidt borna til Christen Jensson ætta frå ein av dei involverte i transaksjonen frå 1425, er likevel heilt uvisst. Slektskrinsen deira er handsama i Kleppe 1957.

430. DNI nr. 709.

431. DNI, nr. 655.

nemnte er omtalt som herr Toraldes ombodsmann i Hardanger i 1397,⁴³² og var kan henda då lensmann i Hardanger.⁴³³ Det kan indikera at ein bør rekna Bergulv Halleson til den lokale eliten, men det er høgst usikkert. **Sigurd Åmundesson** har eg ikkje funne meir om.⁴³⁴

SAK 131: 1. november 1433, Kinsarvik i Ullensvang: Vitnebrev frå Magnus Assursson, prest i Kinsarvik, og Magnus Eilivsson, lagrettemann. Dei var til stades då sira Lavrans Ulvsson, som lenge var prest i Eidfjord i Hardanger, lyste at garden «Selgærde» [i Simadalen] (Eidfj 26–28) i Eidfjord ikkje står i registra til korkje krona eller prestebolet. Odd Bårdsson lyste at far hans var 90 år gammal og budde jamt i Eidfjord, og hans far lyste for han at han aldri hadde høyrte anna enn at «Sælgærde» var ått av **Gudrun Eindridesdotter** og hennar foreldre og arvingar.⁴³⁵

Olav Kolltveit skriv at garden «Selsgerdi» etter segna vart øydelagd av skred, og seinare vart nytta som sams utmark av brukarane på Tveit (Eidfj 26).⁴³⁶ Eg har ikkje funne ytterlegare opplysningar om **Gudrun Eindridesdotter**, men det kan godt tenkjast eit samband til Greip Amundsson som i 1443 pantset jord i garden (sjå s. 492).

SAK 132: 9. oktober 1438, Dale i Luster: Makeskiftebrev utferda av biskop Olav av Bergen. Han har makeskift bort 10 mmb i bispestolens jord Hengestig (Lus 51) i Dale kyrkjesokn i Sogn til **Filippus Eindridesson**, mot å få attende 8 ½ mmb i «Stenklappe jardh» i Låi (Aur 28) i Rygg kyrkjesokn i Aurland.⁴³⁷

Noko meir om **Filippus Eindridesson** er ikkje kjent.⁴³⁸

SAK 133: 15. februar 1439, Seim i Kvinnherad: Gåvebrev frå **Gaute Jonsson**. Han har gjeve 3 mmb i Samland (Jon 5) i Jondal kyrkjesokn til **Sunniva Torkjellsdotter**.⁴³⁹

Gaute Jonsson opptre ut over dette som lagrettemann i Kvinnherad i 1453, då han saman med Erling Tordsson kunngjorde at to menn lyste for dei i ei sak om Haukanes og Store Brandvik på

432. *DN I*, nr. 560.

433. Han opptre elles fleire gonger i kjeldene, og på eit brev frå 1408 (*DN IV*, nr. 459) har vi overlevert seglet hans, som inneheld ein skjold, tilsynelatande utan noko motiv (teikning i NRA, KA). Det er truleg også same mann som i 1433 er omtalt som prest i Kinsarvik (*DN VI*, nr. 449, sjå sak 131).

434. Det opptre mange Sigurd Åmundesson/Amundsson/Ogmundsson i kjeldene frå denne tida, men ingen av dei kan samidentifiserast med mannen som sel jord i Hardanger i 1425.

435. *DN VI*, nr. 449.

436. Kolltveit 1977, bd. I, s. 215–216.


437. *DN I* nr. 765.

438. Det er neppe tale om nokon Filippus på Losna slik til dømes Laberg 1926a, s. 441, skriv. Namnet Filippus førekjem i Aurland på byrjinga av 1600-talet også.

439. *DN XXI*, nr. 374.

Huglo i Sunnhordland.⁴⁴⁰ Elles er det også rimeleg å rekna med at det er same mann som er nemnt sist av dei 36 norske nemndemennene, etter dei to frå Ryfylke, som utferdar eit fullmaktsbrev til riksrådet i Lödöse i 1442 om å velja Kristoffer av Bayern til norsk konge.⁴⁴¹ Ut frå dette må ein rekna med at Gaute Jonsson tilhøyrer den lokale eliten.⁴⁴² **Sunniva Torkjellsdotter** har eg derimot ikkje funne meir om.

SAK 134: 8. september 1439, Mel (Eid prestegard) i Eid: Gåvebrev frå **Jon Pave Torkjellsson**. Han har gjeve 6 mmb i Hope (Glo 27) i Hyen i Nordfjord til sonedottera si, **Ingeborg**, med samtykke frå bror hennar **Jon**.⁴⁴³ Bror til Ingeborg er nok identisk med den **Jon Sigurdsson**, som på Mel i 1440, vedgår å ha selt 4 månadsmatleiger i Hope i Davik skipreide i Nordfjord til **Øyvind Nikolasson**, for 5 kyrlag, og har fått full betaling.⁴⁴⁴



Figur 13. Seglet til Jon Sigurdsson frå 1440 (DN XI, nr. 168). Teikning i NRA, KA.

Det sistnemnte brevet har også overlevert seglet til **Jon Sigurdsson**, men det gjev ingen direkte indikasjonar på sosial status ettersom seglmerket er eit bumerke. Det har ikkje lukkast å finna ytterlegare opplysningar om dei involverte partane.

SAK 135: 14. mars 1440, Trondheim: Testamente frå **Vinald Steinfinnsson**, kannik i Nidaros. Han gjev mellom anna til domkapitlet i Nidaros sin gard Roarsgarden i Bergen.⁴⁴⁵

Vinald Steinfinnsson førekjem i to andre brev. I 1424 er han mellom dei som er til stades og høyrer vitnebrov i Nidaros i saka om Giske og Giskegodset. Han er då nemnt som nummer fem av seks kannikar som var til stades.⁴⁴⁶ På Steig i 1432 er han nemnt først av tre kannikar som, saman med fire andre menn, kunngjorde at erkebiskopen hadde vorte samd med ålmugen i Steig prestegjeld om kor mykje dei skulle betala i Olavsfe og Mikaelsskorn til kannikane i Nidaros.⁴⁴⁷ Audun

440. DN X, nr. 212.

441. DN III, nr. 771; *NgL2* I, nr. 102, s. 205. L. Hamre 1968a, s. 117, reknar med at desse nemndemennene, eller ålmugerepresentantane, var utpeika av drottseten Sigurd Jonsson, men at dei hadde med seg fullmakt frå folket i vedkomande distrikt. Det er liten grunn til å tru at desse nemndemennene ikkje tilhørte toppsjiktet i det området dei kom frå. Til dømes var den eine av dei to nemndemennene frå Borgarsysla, Amund Assersson, ein av mennene til Amund Sigurdsson Bolt, og deltok i opprøret hans i 1437 (Sjå t. d. Njåstad 2003, s. 113 og 117–118).

442. Fleire av dei som medseglar Lödösebrevet tilhøyrer dette sjiktet.

443. DN XI, nr. 164.

444. DN XI, nr. 168.

445. DN V nr. 692. Omsetjing til moderne norsk i Dybdahl 2002, s. 152.

446. DN I, nr. 699.

447. DN V, nr. 618.

Dybdahl meiner at Vinald kan ha hatt Rødøy som kannikgjeld.⁴⁴⁸ Tilhørsla til det geistlege aristokratiet er tvillaus.

SAK 136: 1440: Vitnebrev frå lagrettemenn. **Tordis Torkjellsdotter** vedgjekk å ha selt 1 mmb og ½ spansbol i Heradstveit (Vikøy 1) i Vikøy kyrkjesokn til **Tove Jonsson**.⁴⁴⁹

Kjøparen har eg ikkje funne i andre kjelder, medan det kan tenkjast at **Tordis Torkjellsdotter** er identisk med ho av same namn som i 1402 vitnar i ei sak om nausttuftene på Indre Vik i Øystese.⁴⁵⁰ Det er likevel ikkje mogleg å identifisera henne nærare.

SAK 137: 10. juli 1442, Oslo: Kunngjering frå biskop **Olav [Nikolasson]** i Bergen og hans bror **Benkt Harniktsson**, riddar. Dei har skifta jordegodset etter sine foreldre **Harnikt Henriksson** og hustru **Jorunn Sunnulvsdotter**. Godset ligg i Gudbrandsdalen, på Hedmark og Romerike, og på Toten. Biskop Olav fekk behalda ein gard («Brothusa tomtene») i Korskyrkjesoknet i Bergen, mot at Benkt fekk Olavs part i pantegodset etter Ivar Flemming.⁴⁵¹



Figur 14. Seglet til væpnaren Harnikt Henriksson slik det framstår når Benkt Harniktsson nyttar det i 1438 (DN I, nr. 764). Harnikt nyttar sjølv det same seglet i 1426 (DN I, nr. 716), men det er skadd. Begge finnest det teikningar av i NRA, KA, der denne er henta frå.

Denne slektskrinsen er handsama fleire gonger, ikkje minst i den lokalthistoriske litteraturen i Gudbrandsdalen og på Hedmark. Forskingsstatus i dag har sitt utgangspunkt i ein artikkel av Olav T. Forseth i *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift* frå midt på 1980-talet, samt ein påfølgjande debatt i same tidsskrift.⁴⁵² Forseth viser at biskop **Olav Nikolasson** og riddaren **Benkt Harniktsson** eigentleg ikkje var brør, men at biskop Olav var son til hustru **Jorunn Sunnulvsdotter**⁴⁵³ frå hennar første ekteskap med ein Nikolas Andresson, medan Benkt Harniktsson (sjå dessutan s. 268) var son av væpnaren og riksråden **Harnikt Henriksson** frå hans første ekteskap med ei elles ukjend kvinne.⁴⁵⁴ Slektskrinsen er klårt aristokratisk, og det må ha vore nær skyldskap mellom Benkt Harniktsson og den seinare såkalla Gyldenløve-ætta på

448. Dybdahl 2002, s. 152, note 1.

449. DN XXI, nr. 389.

450. DN XII, nr. 137.

451. DN I nr. 783.

452. Forseth 1986; Schjoldager 1989; Vigerust og Schjoldager 1992. Forseth 1986 inneheld fyldige referansar til den eldre litteraturen.

453. Ho var etter alt å døma dotter av væpnaren Sunnulv Ivarsson, systemann på Søre Hedmark kring 1400. Jf. Forseth 1986, s. 212, note 12 (noteapparatet ved Tore H. Vigerust).

454. Forseth 1986, s. 215. Leistad 1997, s. 317, gissar på at mor til Benkt Harniktsson har vore ei søsterdotter til væpnaren og systemannen Hallvard Alvsson på Sandbu i Gudbrandsdalen (om han, sjå s. 465).

Austrått ettersom ein av arvingane til Benkt Harniktsson var riddaren Henrik Jenson, samt at sistnemnte opphavleg førte same våpenmerke i seglet sitt som Benkt Harniktsson og Harnikt Henriks-son.⁴⁵⁵

SAK 138: 10. februar 1443: Vitnebrev frå Sigurd Torleivsson og Svein Ormsson, lagrettemenn. Dei var til stades då det vart inngått forlik mellom **Sigurd Utyrmsson** og **Eindride Bårdsson** om 2 mmb i Øye (Var 19) i Varaldsøy kyrkjesokn i Sunnhordland, på den måten at Eindride la til Sigurd Utyrmsson 2 laup i «hwerio som þar er jnþrímis laupsmers ok hud».⁴⁵⁶

Eg har ikkje funne meir om nokon av dei involverte.⁴⁵⁷

SAK 139: 22. februar 1444, Bergen: Vitnebrev frå Jon Olavsson, Håkon Audunsson, Peter Kjetilsson, Bjørn Olavsson, Jon Kjetilsson og Jon Torkjellsson, rådmenn i Bergen. Dei var til stades då **Hermann Soost** vedgjekk å ha selt den nordre luten i Brynjulvstomten [i Dreggen] til **Henrik Soost**, og fått full betaling.⁴⁵⁸

Den 7. juni 1463 vitnar åtte rådmenn i Bergen, at dei var til stades då **Morten Jenson** handtokst med fru **Filippa**, grev Hans si dotter, enkje etter herr Sigurd Jonsson, og avhenda til henne sin gard og tomt Brynjulvstomt [i Dreggen] i Vår Frue kyrkjesokn i Bergen, på grunn av den skuld som Morten Jenson og hans verfar Henrik Soost var skuldig til herr Sigurd Jonsson.⁴⁵⁹

Hermann Soost og **Henrik Soost** er rimelegvis slektningar, kan henda brør. Dersom det er rett kan det tenkjast at dei er søner til den Hermann van Soost som er ein av 24 lybske kjøpmenn i Bergen i 1415.⁴⁶⁰ Henrik Soost opptrer dessutan i eit brev frå 1452, der han på Windhouse på Yell i Hjaltland vedgår å ha selt noko jord i Holw[g]ard på Papa Stour til Guttorm Sigurdsson og Villum Sigurdsson.⁴⁶¹ **Morten Jenson** har eg ikkje funne meir om, men det er rimeleg å rekna alle desse tre som bymenn. Fru Filippa Hansdotter er handsama i kap. 4.17.

455. Jf. H. Sollied 1938, s. 267–270; Leistad 1997, s. 316–319.

456. DN XXIII, nr. [96].

457. I 1624 eig Utorm Haktorsson på Åkre i Strandebarm jord i Øye, og på bakgrunn av det uvanlege namnet er det rimeleg å rekna med slektskap mellom Sigurd Utyrmsson og Utorm Haktorsson. Sistnemnte var son av Haktor Utormsson på Gjerde i Strandebarm, som var lensmann i Strandebarm i førstninga av 1600-talet. Han er nok igjen ein etterkomar av Haktor og Utorm som i 1519 bur på Børseim i Strandebarm. Jf. Kolltveit og Næss 1947, bd. II, s. 93, 104, 196 og 250.

458. DN X nr. 181.

459. DN III, nr. 862.

460. DN I, nr. 646.

461. *Shetland Documents 1195–1579*, nr. 22, s. 16–17; DN II, nr. 797; DOH, nr. 28, s. 46–47. Teksten i DN og DOH inneheld vesentlege feil, jf. *Shetland Documents 1195–1579*, s. 17.

SAK 140: 30. mai 1446, Skjold: Vitnebrev frå Nikolas Arnbjörnsson, Amund Taraldsson og Kjetil på «fyrisesi», lagrettemenn på Hordaland. Dei var til stades i øvre stova på Vinje i Grindeim sokn i Etne skipreide den 7. desember 1430 då **Salmund bonde** på Vinje lét lesa sitt kjøpebrev, utferda av Sumarlide på Hjelmeland og Sigurd på Sævareid, på 7 ½ mmb i øvre stova på Vinje (Etne 59) for 8 kyr per mmb. Jorda var kjøpt av hauldborne menn.⁴⁶²

Kor vidt brevutferdarane i 1430 er dei som sel jorda er uklårt.⁴⁶³ **Salmund bonde** har eg ikkje funne meir om, og tilnamnet hans er vanskeleg å nytta som indikator på sosial status (sjå s. 73).

SAK 141: Den 20. oktober 1449 utferdar lagmannen i Bergen eit domsbrev. Kom for han **Øystein Arnesson** i fullt og lovleg ombod for **Margreta Håvardsdotter**, kona si, på den eine sida, og **Harald**, i fullt og lovleg ombod for **Tomas «Hæniksson»** og brørne hans, stesønene sine. Øystein tiltalte Harald om den jorda som heiter Øvsthus (Var 17) på Varaldsøy i Kvinnherad skipreide, som var sett i pant til **Birgitta Jonsdotter** etter det brevet som Einar Eindridesson, tidlegare lagmann i Bergen,⁴⁶⁴ hadde utferda og som sa at Birgitta skulle følgja det godset som **Håvard Arvidsson** eig i Noreg inntil Birgitta hadde fått igjen så mykje gods («fiars sins») som svara til det ho hadde gjeve Håvard. No har «Hænik» og Birgitta oppebore landskyld i mange år av Øvsthus, og Birgitta og Harald kunne ikkje prova at skulda var større enn det dei til no hadde oppebore i landskyld. Difor dømmer lagmannen no at Margreta Håvardsdotter skal igjen følgja jorda Øvsthus.⁴⁶⁵

I eit brev utferda i 1460, truleg i Kvinnherad, kunngjer ei **Kristina Roaldsdotter** at **Dagfinn Torsteinsson** løyste inn garden Øvsthus på Varaldsøy, for 8 kyrlag, som Øystein Arnesson sette i pant for husebot i «Sauderine»,⁴⁶⁶ og difor gjev ho no garden til Margrete (Maritte) Håvardsdotter.⁴⁶⁷

Olav Kolltveit og Anders Næss meiner at **Margreta Håvardsdotter**, etter namnet å døma, må vera av Finne-ætta på Voss, og at jordegodset hennar har gått via den såkalla Rike-Torstein Askjellsson (om han og slekta hans, sjå kap. 4.51) til dei som eig jorda i siste del av 1500-talet.⁴⁶⁸ Dette er lite truleg, ettersom det ikkje finnest noko som tyder på at Rike-Torstein nokonsinne åtte Øvsthus på

462. DN XXI, nr. 434.

463. Dyrvik 1968, s. 322, reknar med at dei berre var vitner og innseglarar, men ordlyden kan tolkast i retning av at dei var brevutferdarar, og ettersom seljarane ikkje er nemnte i brevteksten er det nærliggjande å tenkja seg at det nettopp var brevutferdarane som selde jorda.

464. Han er nemnt som lagmann 1400–1425. Jf. K. Helle 1982, s. 852.

465. DN IV, nr. 911.

466. Det har ikkje lukkast å identifisera denne garden.

467. DN VIII, nr. 369.

468. Kolltveit og Næss 1947, bd. II, s. 97.

Varaldsøy, og heller ikkje noko som knyter han til Voss.⁴⁶⁹ Meir har eg ikkje funne om nokon av dei involverte partane her,⁴⁷⁰ og det har dermed ikkje lukkast å identifisera dei sosialt. Ordlyden i brevet frå 1449 kan tyda på at **Håvard Arvidsson** ikkje har budd i Noreg.

SAK 142: 1450 juni 21, Hilda i Innvik: Vitnebrev frå Sigurd Olavsson, Torgeir Andresson og Bjørn Sigurdsson. Dei var til stades då **Sigurd Olavsson** skifta jorder med **Karl Olavsson**, bror sin, slik at Karl skulle ha 16 mmb i Bakkatun i Grov (Stryn 13) og 6 mmb i Pilatun (Stryn 13), 6 mmb i Øvreberge (Stryn 23(?)),⁴⁷¹ samt heile kvernstaden nord ved elva som ligg under Øvreberge ovanfor Øksnabrua og hogsten i Folvenåsen.⁴⁷²

Meir har eg ikkje funne om desse to brørne, men ein må rekna med at den Karl som er nemnt på Grov i 1520 og 1522, og som er jordeigar, er ein slektning.⁴⁷³

SAK 143: [omlag 1428–1450]: Opplysningar om transaksjonar frå Aslak Bolts jordebok. Med einiskilde yngre påskrifter frå tida 1450–1537:⁴⁷⁴

- Av Måri (Inn 6), halve egedomen, og 8 månadsmatleiger som **Olav Koll** gav til erkebispesetet, det er no heile egedomen, bygsla for 2 laupar [yngre påskrift: 1 ku årleg]. Olav Koll har ikkje vore mogleg å identifisera nærare.⁴⁷⁵ Rett nok opptrer det ein Olav Koll i eit brev dagsett 1368 (eller før) på Holt på Agder, der ein Torkjell Herleiksson var til stades då Torleiv Torkjellsson vart forlikt om Olav Kolls pengar,⁴⁷⁶ men det er tvilsamt om det kan vera same mann.
- Av Gjemmestad (Glo 9), 20 mmb, heile egedomen som **Erlend Filippusson** på Losna gav. Denne jorda ligg i Gløppefjord, bygsla for 6 ½ laup [yngre påskrift: 5 laup årleg] (sjå s. 413 om dette).
- Av Heggdal (Inn 49), 8 månadsmatleiger, heile egedomen som **Olav Kore** gav til erkebispesetet. [yngre påskrift: ½ kyrlag årleg, 1 sau og 5 skiver bast]. Olav Kore har det ikkje lukkast å finna fleire opplysningar om.⁴⁷⁷
- Av Soleim (Brem 10) i Grotle sokn, 20 mmb som **Hildeborg Håvardsdotter** gav. Det ligg til eit selveide som heiter Veststeinen, eig halvt med biskopen i Bergen. Hildeborg er eit svært uvanleg namn i Noreg, og det einaste andre eksempelet hjå Lind er også henta frå Aslak Bolts jordebok.⁴⁷⁸ Det er då tale om ei Hildeborg som gav 2 ½ spansleige i Tor-

469. Jf. Steinnes 1962a.

470. Det opptrer ein Øystein Arnesson i 1427 i eit brev utferda i Lærdal om ei tvist om garden Holi i Øye i Valdres (DN XIV, nr. 43), men det er lite truleg at dette er same mann.

471. Aaland 1932c, s. 198, note, meiner derimot at det må vera ein part av Guddal (Stryn 14).

472. DN XIII, nr. 120. Jf. dessutan DN XIII, nr. 14, som tvillaust er falskt.

473. Jf. Aaland 1932c, s. 198.

474. *ABJ*, s. 180–182.

475. Korkje Steinnes 1925, s. 4, eller Aaland 1932b, s. 370, har ytterlegare opplysningar om han.

476. DN IV, nr. 474; RN VI, nr. 1315.

477. Jf. Aaland 1932b, s. 88–89.

478. E. H. Lind 1905–1915, sp. 542.

vika i Stangvik på Nordmøre til erkestolen.⁴⁷⁹ Dersom det er tale om den same kvinna, noko som ikkje er usannsynleg, må ein, på bakgrunn av spreinga i jordeigedomar frå Sunnfjord til Nordmøre, i det minste rekna henne til eit elitesjikt.

- Ænes (Kvi 64), heile egedomen, som hustru **Brynhild Josefsdotter** (sjå s. 324) og **Holte Jonsson** (sjå s. 390) selde helvta kvar av. Til garden ligg det ei fiskeelv ved garden og ei anna i Mauranger som heiter Sunde, og ei øy som heiter Sild (Kvi 65), og der er det selfangst. Både hustru Brynhild Josefsdotter og Holte Jonsson er handsama andres stader.
- Av Fureberg (Kvi 63), halve, 4 laupar som **Joar Amundsson** gav. Det har ikkje vore mogleg å finna meir om Joar Amundsson, og etter kva eg kan sjå er dette namnet i hovudsak utbreidd på Austlandet. Det finnest ikkje andre førekomstar av det i undersøkingsområdet.⁴⁸⁰
- Av øvre «Tunene» (Kvi 1–24) i Ølve sokn, 1 laupsbol som **Kolbein** gav. Det er uråd å identifisera gjevaren av dette godset, og ut over at garden ligg i Ølve sokn i Kvinnherad har eg heller ikkje klart å identifisera den nærare. Det finnest ein gard Skarvatun (Kvi 18) i Ølve som kan vera ein kandidat, men det er uvisst. Eg kan heller ikkje sjå at erkestolen eig jord i Ølve sokn i 1530-åra.⁴⁸¹
- [yngre påskrift:] [...] i Hardanger som vi erkebiskop Gaute kjøpte av **Torstein Askjellsson** [...], bygsla for 12 laupar, [...] som ligg i [...] [...] kjøpte vi no i året 1509 av Torstein Askjellsson, og gav oss brev på det godset for den pengesummen som han skulda oss, slik [brevet] viser. Landskylda skal han behalda [...] året. Torstein Askjellsson er handsama i kap. 4.51.
- Av Åsnes (Fja 35) i Holmedal sokn, halve egedomen som **Tordis Arnesdotter** gav. Rimelegvis er det her tale om Indre Åsnes, der krona er eigar i 1661. Ytre Åsnes er ått av Munkeliv kloster.⁴⁸² Tordis Arnesdotter har eg ikkje funne meir om.
- Av Hillestad (Haf 63) i Hafslo sokn i ytre Folk, 20 laupsbol, og 21 laupsbol som herr **Finn Ogmundsson** selde til erkebiskop Pål [1333–1346]. Finn Ogmundsson er handsama under Hestbø-ætta (kap. 4.22).
- Av Eggum (Bor 18) i K[...] i Sogn, heile sønste garden, 10 laupsbol som **Torgeir** [...] Valdres gav til erkebispesetet i Nidaros. Trass i at jordebokmanuskriptet er skadd her, er det lita tvil om at det må vera tale om garden Eggum på Borgund, der erkestolen også eig 1 laup smør i 1530-åra.⁴⁸³ Kven Torgeir var, har derimot ikkje vore mogleg å finna ut.

SAK 144: 16. mai 1454, Oa i Vikebygd: Vitnebrev frå Ingemund Eindridesson og Guttorm Torsteinsson. Dei var på Fikstveit⁴⁸⁴ den 18. mai (fredag etter krossmesse om våren) 1453 då **Herborg Gudleivsdotter** selde 2 mmb i Lunde (Stord 18) og 1 ½ mmb i Tveita (Stord 16) på

479. *ABJ*, s. 111.

480. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 644–645. Det kan i så måte tenkjast at Joar her er ei misskriving for Ivar, men det vantar opplysningar som underbyggjer dette.

481. Jf. *OEJ*.

482. Jf. Kvamme 1981, bd. II, s. 242.

483. *OEJ*, s. 71.

484. Gnr. 14 i Skjold i Ryfylke, jf. Rygh og Olsen 1915, s. 436.

Stord i Årland sokn og Kårevik skipreide i Sunnhordland til mågen sin **Gudleik Bårdsson**, og søstera si, **Sigríð Gudleivsdotter**, for 12 merker forngilde, og vedgjekk å ha fått full betaling.⁴⁸⁵


Gudleik Bårdsson kan ha budd på Fikstveit i Skjold i Ryfylke, av di han på oppmoding i 1449 fekk to lagrettemenn i Ryfylke til å vitna om kvar delet gjekk mellom gardane Fikstveit og Steinbru i Skjold.⁴⁸⁶ Søstrene **Herborg** og **Sigríð** har eg ikkje funne meir om, og ut frå opplysningane om Gudleik er det vanskeleg å seia noko om den sosiale statusen deira. I 1661 er Tveita bondegods, medan Lunde er delt mellom bønder og adel (Orning).

SAK 145: 21. mai 1456, Bergen: Vitnebrev frå Olav Håkonsson, Markus Erlingsson og Jon Styrkårsen, lagrettemenn i Gloppen skipreide. Dei var til stades då **Guttorm Gudbrandsson** vedgjekk å ha selt 3 ½ månadsmatleige i Brynnestad (Inn 8) i Olden skipreide til **Andres Isaksson**, og fått full betaling.⁴⁸⁷

Andres Isaksson har eg ikkje funne meir om, men **Guttorm Gudbrandsson** er tvillaust identisk med han som medseglar eit brev i 1440.⁴⁸⁸ I 1431 er han nemnt som nummer tre av fire lagrettemenn i Nordfjord, og i 1459 er han nemnt først av sju lagrettemenn i Gjemmestad skipreide i Nordfjord.⁴⁸⁹ Dette fører han inn i den lokale eliten. Det kan elles vera verd å merka seg at Anders Andersson av ætta på Ytreeide i Stryn i 1604 gjorde krav på noko odelsgods i Brynnestad, rett nok utan å få medhald i retten.⁴⁹⁰

SAK 146: 3. mai 1459, Jondal: Salsbrev frå **Sigurd Magnusson**. Han har selt 4 ½ mmb i Vik (Jon 31) som ligg i Jondal nordafor elva, til frenden sin **Magnus Jonsson**, og fått full betaling.⁴⁹¹

Eg har ikkje lukkast å identifisera desse to nærare.⁴⁹²



Figur 15. Seglet til Guttorm Gudbrandsson frå 1440 (*DN XI*, nr. 168). Teikning i NRA, KA.

485. *DN IV*, nr. 934.

486. *DN XIV*, nr. 78.

487. *DN XII*, nr. 223.

488. *DN XI*, nr. 168.

489. *DN II*, nr. 706 (1431); *DN XXI*, nr. 500 (1459).

490. *NHD Første Række*, VI, s. 77–78.

491. *DN XXI*, nr. 499.

492. Det opptreir ein Magnus Jonsson som rådmann i Nidaros i tida 1450–1475 (jf. G. A. Blom 1997, s. 293–294), men det er tvilsamt om det er same mann.

SAK 147: 12. mai 1459: Vitnebrev frå Guttorm Gudbrandsson, Tore Ormsteinsson, Jon Styrkársson, Tore Sjurðsson, Serk Olavsson, Solmund Olavsson og Torgils Olavsson, lagrettemenn i Gjemmestad skipreide i Nordfjord. Dei vitnar at sira **Jens Petersson** kjøpte så mange jorder, nemleg: 2 teigar som var 12 månadsmatleiger i ytre Vereide (Glo 58), $\frac{1}{10}$ skjetting i Lotsberg (Glo 41–42), 9 månadsmatleiger i Arnestad (Glo 7–8) og ein åker som heiter Hovudduken, 10 månadsmatleiger i Rygg (Glo 12). Likeeins kjøpte han i Breim skipreide som ligg i halvfylket Sunnfjord, 30 månadsmatleiger i Vindsrygg (Breim 41) i Re kyrkjesokn, 12 månadsmatleiger i Frøystad (Breim 39) i Årdalen, 12 månadsmatleiger i Bogstad (Breim 40) i Årdalen, 8 månadsmatleiger i Dale (Breim 2), 1 teig i Seim (Breim 38), 2 månadsmatleiger i Kåle (Breim 3), 3 månadsmatleiger og 1 skjetting i øvre Sæte (Breim 9) og 10 månadsmatleiger i Sanddalen (Breim 18). Vidare gav **Ulvhild Hersesdotter** $\frac{1}{2}$ teig i sjelegåve og årtid for sin fars sjel. Sira Jens hadde kjøpt desse jordene frelst og kjærelaust for seg og sine arvingar.⁴⁹³

Jens Petersson har venteleg vore prest i Gloppen, kan henda på Gjemmestad,⁴⁹⁴ og må reknast til dei lokalgeistlege. **Ulvhild Hersesdotter** har eg ikkje funne meir om.

SAK 148: 25. november 1460(?): **Hans Roerkertze**, Bergenfarar, selde to hus, det eine i Revelsgarden og det andre i Steingarden, i Bergen, til Wilhelm Hertog og Dietrich Marquards i fullt ombod for **Hans Resen**, borgar i Lübeck.⁴⁹⁵

Begge dei involverte må reknast som bymenn.

SAK 149: 24. juni 1462, Vinje i Suldal: Vitnebrev frå Krake Rolvsson og Greip Sveinsson («Soønsson»), lagrettemenn i Ryfylke. Dei var til stades då søstrene **Gyda** og **Gjertrud Svein-sdøtrer** («Soans døtter») og deira lovlege ombodsmenn selde 4 mmb i nedre tunet i Hamre (Røl 2) i Røldal kyrkjesokn i Håra skipreide til **Torkjell Ormsson**, og vedgjekk å ha fått full betaling.⁴⁹⁶

På bakgrunn av Linds påvising av at Greip «Soønsson» her er identisk med Greip Sveinsson som også opptrer som lagrettemann i Ryfylke i 1484,⁴⁹⁷ er det også rimeleg å retta patronymet hjå **Gyda** og **Gjertrud**. Meir om dei to kvinnene har eg likevel ikkje funne, men dei kan tenkjast å vera søstrer til lagrettemannen. **Torkjell Ormsson** er rimelegvis identisk med ein som opptrer i Stavanger i 1482, då det kjem fram at ein Mikkel Sveinsson var forlikt med Torkjell Ormsson og Håvard Tor-

493. DN XXI, nr. 500.

494. Jf. Aaland 1935a, s. 167.

495. Bruns, *Die lübecker Bergenfabrer*, s. 173, nr. 31.

496. DN VIII, nr. 375.

497. DN IX, nr. 390; jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 354.

steinsson om det at han hadde lege med vérsøstera deira. Mikkel skulle bota tre mark til kvar av dei, forutan at han skulle festa henne.⁴⁹⁸ Opplysningar som fortel noko om den sosiale statusen hans har eg likevel ikkje funne.

SAK 150: 16. mai 1463, Aspa i Frei: Kunngjering frå **Arne Sigurdsson**. Han har selt til beskje-deleg mann **Ivar Trondsson** alle dei gardar og gardpartar sønnafor Stad, som kona hans **Gunnhild [Aslaksdotter]** arva etter sin far **Aslak Jonsson**, og i tillegg det som Arne sjølv åtte i Skjeggan i Bergen. Han vedgår å ha fått full betaling.⁴⁹⁹

Kvar dette jordegodset sønnafor Stad låg, er uvisst. Men ut frå eit kjøpebrev som vart lese på tinget på Haugeland i Fjære skipreide i Sunnhordland i oktober 1660, har i det minste noko av det truleg lagt i Sunnhordland.⁵⁰⁰ Seljarane av jorda både i 1659, 1638 og 1641, er alle etterkomarar etter kjøparen **Ivar Trondsson** i 1463-brevet, og har altså opphavleg jordegodset sitt frå Aspa-ætta. Gardane som er nemnte i tingsaka frå 1660, er Eidsvåg (Val 3) og Ulvaråker (Val 14), begge i Valestrand i Sunnhordland. Diverre kjenner vi ikkje noko meir til innhaldet i dei tre breva frå 1444 (to) og 1457 som vart vidimerete av Gjeble Pederssøn. Likevel er det greitt å identifisera både kjøpar og seljar sosialt. Dei har begge tilhørt aristokratiet, og Ivar Trondsson var søsterson til **Gunnhild Aslaksdotter** som var gift med **Arne Sigurdsson**. Ho og søstrene hennar var døtrer av ein **Aslak Jonsson**, nemnt 1443, og ei fru(?) Gro. Aslak Jonsson var igjen truleg son av bergensrådmannen, seinare lagmann, Jon Aslaksson, som er kjent frå tida 1380–1383.⁵⁰¹

498. DN II, nr. 920.

499. DN XXI, nr. 535.

500. SAB, Sorenskrivaren i Sunnhordland, I. A. 7, Tingbok 1659–1661, fol. 33b–34a: Erlig och welfornemme mand Peder Hansen, slodzschriffuer paa Bergenhus och raadmand i Bergen lod lesse och paaschriffue it kiøbebreff till hannem aff Her Michell Melchorsen sogenprest till Melhuss giæld, Eilert Casperszen Ko. Ma. foget i Foesenlehn, och Anders Nielszen paa Hitterøen paa deriss egen och hustruers wegne vdgiffuen. Liudende paa Eidzuog i Fiere schibrede schylder aarligen 4 løber smør, med vnderligende ødegaarder Øchland och Løning, schylder aarlig ½ Rdr. Jttem waar och samme breff liudende paa Vlffuerager i *bemelte* schibrede beligende, schylder aarligen 4 løber smør, med vnderligende ødegaard, schylder aarligen 3 woger korn, effter samme breffs widere indhold, acterit Thrundhiem den 29 septembris 1659. Med der hosz følgende breffue. Nemblig it sex mends forhøyelse breff sub dato 19 & 20 juii 1616, huilchen tid Eidzuog er bleffuen forhøyet 1 tønne korn. Der med fulde och it kiøbe breff sub dato 21 septembris 1638 aff Her Jssach Siffuersen med tienner till Ørlands prestegiæld till Her Melchior Jacobsen sogneprest till Hitterøens prestegiæld vdgiffuet, liudende paa forschreffne Eidzuog paa 4 løber smør och de tuende øde jorder. Fulde der hoss it kiøbebreff sub dato Kirchesetter den 8 junii 1641 aff Ouden Siffuerszen till hans morsøster Milde Oudenss Datter vdgiffuet, liudende paa Vlffuerager med 4 løber smør och 3 woger korn landschyld. Och for det sidste med fulde it pergements copie breff aff salig Geble Pederszen fordum biscop i Bergen, Mogens Joenszen cannich *ibidem*, och Rasmus Hanszen raadmand *ibidem*, vnder forseigling vdsted. Den enne der ind førte sub dato 1444 liudende paa Eidzuog med begge øde jorder, det andet om samme jord och aff samme dato, och det thredie liudende paa halffparten i Vlffuerager sub dato Bergen 1457.

501. For eit oversyn over forskingsstatus, sjå Vigerust 1997a og Myrvoll 1998. Det elles viktigaste arbeidet om ætta, som er kjent frå eit ættetavle frå 1500-talet, er Grønli 1952, med eit tillegg i Grønli 1954.

SAK 151: 8. oktober 1463, Bergen: Vitnebrev frå Finn Sigmundsson, kannik i Bergen, og Helge Trulsson, tidlegare fut i Sogn. Dei var i domkyrkja i Bergen og hørde på mellomværet mellom heiderleg mann herr Peter Jansson, kannik i Bergen, som var sokneprest i Stedje og prost i Sogn, på den eine sida, og beskjedeleg mann **Jon Holfastsson** på den andre sida. Jon Holfastsson meinte å vera mishalden av herr Peter, av di herr Peter følgte 5 laupsbol i Sande (Sog 20) i Stedje kyrkjesokn som **Ragnhild Hallvardsdotter** hadde gjeve til han, men som Jon Holfastsson meinte å ha rett til av di jorda ikkje måtte gjevast bort utan hans samtykke. Då gav herr Peter til Jon ei sølvskei på fem lodd for at han ikkje skulle påkjæra dette meir, og jorda heretter skulle følgja herr Peter Jansson frelst.⁵⁰²

Garden det er tale om heiter no Bahus, og låg til prestebolet i Sogndal sist i 1500-åra.⁵⁰³ Difor er det vel også grunn til å tru at det var i eigenskap av prest i Sogndal at Peter Jansson hadde rådvelde over den i 1463 også. I 1625 er det likevel adelsmannen Claus Brockenhuus som eig den.⁵⁰⁴

Jon Holfastsson er berre sikkert kjent frå dette brevet, men han kan vera identisk med den Jon Holfastsson som i eit brev frå 1495 er nemnt i ei sak om noko odelsgoods i Vestfold.⁵⁰⁵ Namnet er likevel så sjeldsynt at det godt er mogleg at det er same mann.⁵⁰⁶ Dessutan opptrer det også ei **Ragnhild Hallvardsdotter** i Vestfold. I 1456 selde Herbjørn Nikolasson og hans hustru Ragnhild Hallvardsdotter heile garden vestre Haskoll i Frogner sokn i Lier (i dagens Buskerud) til Gunnar Jorundsson. Brevet er utferda på Sande i Vestfold.⁵⁰⁷ Dersom det er dei same personane som opptrer i Vestfold og som har jordegodsinteresser i Sogn, indikerer dette tilhøyrslle til eliten, men samidentifikasjonane er for usikre til at det kan seiast noko sikkert om det.

SAK 152: 24. august 1464(?): **Heinrich van Northem** selde to sjøhus og halve skjøttstova i Skjeggen til **Henning Nyeman** for 20 lybske og 30 danske mark.⁵⁰⁸

24. august 1464(?): Bergenfararen **Jakob Molre** pantsatte sine to hus i Skjeggen til dei lybske borgarane **Brant Hogevelld**, **Friedrich Penningbuttell** og **Hans Overnkerke** for 37 mark 14 skilling.⁵⁰⁹

Alle dei involverte her må reknast som bymenn.

502. DN IV, nr. 953.

503. NKJ III, s. 139.

504. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7.

505. DN III, nr. 996. Salet må ha gått føre seg ei god stund før 1495, for den som gjer krav på godset, Torstein Ellingsson, fortel at det var far hans som kjøpte det.

506. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 558. Lind reknar med at det er tale om to forskjellige menn.

507. DN II, nr. 814.

508. Bruns, *Die Lübecker Bergenfabrer*, s. 90, note 8.

509. Bruns, *Die Lübecker Bergenfabrer*, s. 122, note 7.

SAK 153: 10. august 1465, Bergen: Salsbrev frå **Matteus biskop**. Han har, med samtykke frå si hustru, selt til erkebiskop **Olav [Trondsson]** i Trondheim, den garden i Bergen som han og hans hustru arva etter **Gereke van Mölen**, med alle hus og eit steikarhus ovanfor garden, for 100 lette gylden. Han har motteke 50 gylden, og skal ha 50 gylden om eitt år.⁵¹⁰

Den 26. august 1466 vitnar Henrik Jensson, riddar, og Eirik Amundsson, lagmann i Trondheim, at **Matteus biskop** vedgjekk for dei at han hadde motteke dei 50 lette gylden frå erkebiskop **Olav [Trondsson]** i Trondheim, som stod att for kjøpet av ein gard [i Bergen].⁵¹¹

Matteus biskop vert av Oluf Kolsrud identifisert med den Matteus som vart utnemnt til biskop på Hólar på bakgrunn av rykter om at biskop Gottskalk var død. I 1458 er han på Island og gjer krav på bispestolen, men erkebiskop Olav Trondsson forbyr islendingane å anerkjenna Matteus som biskop, anten det er på Skálholt eller på Hólar. Framleis i 1460 er han i Skálholt, men er tilbake i Bergen i 1465 slik brevet ovanfor viser.⁵¹² Både han og erkebiskop **Olav Trondsson** må reknast til det geistlege aristokratiet.

Gereke van Mölen førekjem også i eit brev frå 1458, då abbedissa i Munkeliv og begge konventa leiger ut ei tomt i Krosskyrkjesoknet i Bergen, like ved Arne Ivarssons gard, nederst ved sjøen, til den tyske kjøpmannen Gereke van Mölnen.⁵¹³ Gereke er eit opphavleg tysk namn, og er ei diminutivform av namn som startar med Ger-, særskilt Gerhard.⁵¹⁴ Det gjer det truleg at det er den same mannen med namnet Gert van der Molen som opptre i fleire testamentar frå lybske Bergenfararar mellom 1429 og 1451.⁵¹⁵ Han må reknast som bymann. Rimelegvis er det kona til Matteus biskop som var arving etter Gereke van Mölen.

SAK 154: 4. november 1466, Borgund på Sunnmøre: Salsbrev frå **Kolbein Eilivsson**. Han har, med samtykke av sonen sin **Eiliv [Kolbeinsson]**, selt til si frenke **Gislaug Erlendsdotter**, så mykje jord som hans far, **Eiliv Petersson**, og [hans farbror?] **Halldor Petersson** åtte i Flo («Frow») (Stryn 7–8) i Oppstryn skipreide i Nordfjord, for 5 merker, og fått full betaling.⁵¹⁶

510. DN V nr. 855.

511. DN V, nr. 858.

512. Jf. Kolsrud 1913, s. 278–279. Jón Viðar Sigurðsson 2003, s. 133, fører Matteus opp som biskop i Skálholt 1457–1458, og i Hólar 1458–1460.

513. DN II, nr. 825.

514. Jf. *Duden: Das große Vornamen-Lexikon*, s. 141.

515. Bruns, *Die Lübecker Bergenfabrer*, s. 62, 76, 84 og 90.

516. DN XVIII, nr. 86.

Eg har ikkje funne meir om nokon av dei involverte partane i dette brevet, dersom då ikkje **Eiliv Petersson** er identisk med ein med same namn som er med og beseglar eit domsbrev i Bergen i juni 1389. Truleg var vedkommande lagrettemann i Bergen, men det er ikkje sagt i brevet.⁵¹⁷ Kronologisk er det fullt mogleg, ettersom **Kolbein Eilivsson** er så gammal i 1466 at han har ein myndig son som samtykkjer i salet. To av etterkomarane til **Gislaug Erlendsdotter**, Kolbein og Erlend, er nemnte som gardbrukarar og jordeigarar på Øvre Flo i tida 1520–1543, og det er dei som sistnemnte år får stadfesta det førnemnte brevet frå 1466.⁵¹⁸ Dei to på 1500-talet må i det minste reknast som bønder, men kor vidt ein skal identifisera folka nemnte i 1466 som det også, er meir usikkert.

SAK 155: [kring 1470], [Bergen]: Salsbrev frå broder Torgeir, abbed i Munkeliv. Han har selt Laurens Koks gard ved Breidaallmenningen i Bergen, som var gjeve til Munkeliv kloster, til **Peder Mikkelsen**, og fått full betaling.⁵¹⁹

Meir har eg ikkje funne om denne **Peder Mikkelsen**, men det er rimeleg å rekna han for bymann.

SAK 156: 29. november 1471, Tenål i Vik: Vitnebrev utferda av Asbjørn Jonsson, Bjørn Jonsson og Marteinn Eindridesson. Dei stadfestar at godset til **Ragna Ingemundsdotter** i Sogn var følgjande jorder: I Tenål (Vik 4) i Vik skipreide så mykje som gjev 2 laupar i landskyld, i Skjørvo (Vik 38) så mykje som gjev 9 mæler korn, i Vange (Vik 2) så mykje som gjev 6 mæler korn, i Sæbø (Vik 1) så mykje som gjev ½ laup, og i Vangsnes (Bal 72) så mykje som gjev ½ laup. Og **Jon Mok**, mannen hennar, bygde desse jordene og tok landskyld av dei i lang tid, og dei har aldri høyrte noko anna enn at dette godset var Ragna Ingemundsdotters rette gods. Dei kjenner heller ingen rettare arving etter Ragna enn hustru **Margrét Vigfúsdóttir** på Island, søsterdotter til Ragna Ingemundsdotter.⁵²⁰

Alle dei involverte her tilhøyrer aristokratiet, og forutan i Sogn, finnest det brev på at **Ragna Ingemundsdotter** også åtte jordegods både i Gudbrandsdalen og i Ryfylke.⁵²¹ Denne slektskrinsen er elles handsama nokså ofte i den lokal- og slektshistoriske litteraturen, best av Nicolai Stene i *Norsk Slektshistorisk Tidsskrift*.⁵²² Jordegodset etter Ragna Ingemundsdotter, både det i

517. DNI, nr. 516; RN VII, nr. 1530.

518. Aaland 1932c, s. 169.

519. DN V nr. 870.

520. DNI nr. 894/DIV, nr. 581.

521. DN III, nr. 623; DNI, nr. 877/DIV, nr. 424.

522. Stene 1933. Av andre kan nemnast Bakkevig 1969, Árni G. Eylands 1970 og Balle 1989. Balle er definitivt den mest fantasifulle, medan ein del av Bakkevigs resultat sidan er tilbakeviste. Hustru Margrét Vigfúsdóttir har stor etterslekt på Island, sjå t.d. *Íslenskar Ártidaskerár*, særskilt tavlene I og IV.

Ryfylke og det i Sogn, som vart arva av hustru **Margrét Vigfúsdóttir**, har ein gong mellom 1494 og 1530-åra enda opp hjå erkestolen i Nidaros.⁵²³


SAK 157: 2. juni 1473, Bergen: Vitnebrev frå Jon Smør, riddar og høvedsmann i Bergen, Mattis Palnesson, Markvard Henriksson og Henning Mikkelsøn, rådmenn der same stad, Hans Peters og Henrik van Alm, kjøpmenn på Bryggen. Dei var til stades i Ytre Galgen, som Tord Jonssons gard no vert kalla, og overvar eit forlik mellom **Trond Benkestokk** og **Tord Trondsson** på den eine sida, og Hans Druckelmann, Wessel Busk og Claus Detmars, Vår Frue kyrkjes ombodsmenn, på den andre, om det mellomværet som Trond og Vår Frue kyrkje hadde saman i Galgen. Dei delte opp tomter og hus i Galgen mellom seg.⁵²⁴

7. september 1497, Bergen: Kunngjering frå Olav Tordsson. Han har, i fullt ombod for **«Asie» Nilsdotter**, motteke frå Hans Kiöne, kjøpmann på Bryggen og ombodsmann for Vår Frue kyrkje, 20 mark med 6 skilling i kvar mark, som riksrådet saman med lagmannen og fleire gode menn på kongsgarden i Bergen hadde tildømt han for ein grunn som heiter Vesle Galgen ved Dreggen i Vår Frue kyrkjesokn i Bergen. Og med det skal denne eigedomen liggja under Vår Frue kyrkje og vera frels og fri for påtale frå «Asie» og hennar arvingar.⁵²⁵

Trond Benkestokk er nemnt første gong i 1440, og var alt då væpnar. I 1444 var han blitt medlem av riksrådet. Etter dette er han ikkje nemnt før i 1472, då han framleis er nemnt væpnar og opptrer som vitne i ei sak i Bergen.⁵²⁶ Etter 1473 kan eg ikkje sjå at han er nemnt i kjeldene.

Tord Trondsson er berre kjent frå denne saka i 1473, og er rimelegvis sonen til Trond Benkestokk. **«Asie» Nilsdotter** er heller ikkje kjent frå andre saker, men Tore Vigerust reknar med at ho kan vera enkja etter Tord Trondsson.⁵²⁷

SAK 158: 21. mai 1477: **Lutter Stael**, bergenfarar, sel sine tre par hus i Steinsgarden på Stranden i Bergen til **Tylen Korner**.⁵²⁸



Figur 16. Seglet til Trond Benkestokk frå 1472 (DN II, nr. 886). Teikning i NRA, KA.

523. *OEJ*, s. 66–67 og 71. I 1494 ser det ut til at arvingane etter Margrét Vigfúsdóttir har fått gjera ei vidisse av odelsbrev på godset i Ryfylke og i Sogn (DN I, nr. 981), og dermed er det rimeleg å rekna med at dei framleis åtte godset.

524. Etter papiravskrift frå 1500-talet i Bergenfarararkivet i Lübeck, trykt i E. Bull 1927, s. 173–174; Vigerust 1999b, s. 40.

525. Etter papiravskrift frå 1500-talet i Bergenfarararkivet i Lübeck, trykt i E. Bull 1927, s. 174; Vigerust 1999b, s. 40–41.

526. Vigerust 1999b, s. 12–14 og 16–17.

527. Vigerust 1999b, s. 16–17.


Begge dei involverte må reknast som bymenn.

SAK 159: 1478: Kunngjering frå **Ingjerd Kolbeinsdotter**. Ho har aldri gjeve bort ein fjerdepart i Bjoa (Fjb 54–55) i Fjelberg, korkje til Halsnøy kloster eller nokon annan.⁵²⁹

Det må vera same godset det er tale om på Vik i Fjelberg den 22. mars 1482, då Tore Trondsson, Odd Aslaksson, Andor Arnesson, Arne Erlingsson, Amund Arnesson og Torkjell Sjurdsson vitnar at dei har aldri høyrte anna enn at halve Bjoa- eller Utbjoavågen ligg til dei 2 mannsverk i Utbjoa (Fjb 54) som heiter midtstova og øvstestova. Og aldri har Halsnøy klostets abbedar eller forstandarar gjort krav på dette før herr Peder Bugge no gjer det.⁵³⁰

Eg har ikkje funne meir om **Ingjerd Kolbeinsdotter**, men det er rimeleg å rekna Kolbein Torsteinsson på Oa som i 1558 vert tildømt godset på bakgrunn av vitnemålet hennar, som ein etterkomar.⁵³¹ Det er likevel usikkert om ein skal rekna desse som bønder, ettersom lågadelsmannen Jon Gautesson i 1558 (eller 1563) sel jordegods i Utbjoa til ein Ola Hallvardsson,⁵³² og ein part av same garden er i 1619 ått av Beate Huitfeldt og Christoffer Ulfeldt.⁵³³

SAK 160: [1470–1480], [Bergen]: Jordebokopplysningar (her berre transaksjonar med namngjevne personar) frå eit blad av ei jordebok for Bergen bispedøme. Det kan elles sjå ut til at det er tale om Munkelivgods.⁵³⁴



Figur 17. Seglet til Erling Folkkonungsson i 1340 (NoSigV, nr. 376).

•10 mmb i Ylvisåker (Sog 79) som biskop Aslak [biskop 1408–1429] fekk av **Erling Folkung** («Ellingh Folkwng»). Ei anna innførsle fortel om 6 mmb i Vangsnes (Bal 72) som biskop Olav [Nikolasson, biskop 1434–1448] fekk av **Erling Folkung** («Ellingh Flockungh») for tienden i Gaupne.

Meir er ikkje kjent om denne Erling Folkung, men han må nok reknast til den lokale eliten i Sogn når han er såpass velstående at han kan kjøpa bispetienden i Gaupne kyrkjesokn.⁵³⁵ Rimelegvis er han ein etterkomar av den Erling Folkung eller Folkkonungsson som opptrer i Sogn i fleire brev i tida 1333–1340, og som vi har overlevert seglet til.⁵³⁶ I seglomskrifta står det Torgilsson som patronym, og seglmerket er eit våpenmerke.⁵³⁷

528. Bruns, *Die lübecker Bergenfabrer*, s. 178, nr. 39.

529. DN XXI, nr. 583.

530. DN X, nr. 257.

531. DN XXI, nr. 1073.

532. DN X, nr. 753.

533. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7.

534. DN X nr. 255.

535. Jf. L. Hamre 1974, sp. 285–286. Alternativt har han vore ombodsmann for biskopen og krav inn bispetienden på vegne av han, men på bakgrunn av ordlyden her, held eg det for meir truleg at det er tale om tiendkjøp.

536. DN I, nr. 222 (1333); DN II, nr. 202 (1333); DN XXI, nr. 53 (1335–1336); DN I, nr. 267 (1340).

- 12 mmb i andre tunet i Ylvisåker (Sog 79) som **Ulvhild** gav i sjelegåve for seg og sine foreldre i testamente. Kven Ulvhild har vore er uråd å seia. Det kan tenkjast at ho er ein slekting av Erling Folkung ettersom ho eig i Ylvisåker, men noko meir enn ei gissing vert ikkje det.⁵³⁸
- 12 mmb i Halland (Lei 15) som biskop Finnboge [biskop 1461–1474] fekk av **Fridrek på Halland** for tienden av Njøs som han hadde i mange år. Fridrek på Halland er heller ikkje kjent frå andre kjelder, men det er rimeleg å rekna han til den lokale eliten då han er i stand til å gjera tiendkjøp.
- 20 mmb i Fosse (Lei 7) som biskop Aslak [biskop 1408–1429] fekk av **Erlend Lodinsson** i makeskifte mot Bø («atter fore Bø») (truleg Vik 36). Heller ikkje Erlend Lodinsson har eg funne meir om.⁵³⁹
- 5 mmb i Fosse (Lei 7) som biskop Aslak [biskop 1408–1429] fekk av **Sunniva og Torstein Anundsson** i Brekke. Eg har ikkje funne meir om desse to.
- 8 mmb i Stjernegjerd (Lei 73) som biskop Olav [Nikolasson, biskop 1434–1448] fekk av **Hallstein Erlendsson** og **Tore på Rinde** i kyrkjerekneskap. Både Hallstein og Tore har etter alt å døma vore kyrkjeverjer,⁵⁴⁰ helst for kyrkja på Rinde. Eg har ikkje funne meir om desse to heller, og eg er uviss på om dette ombodet er tilstrekkeleg til å rekna dei til den lokale eliten.
- 1 mmb i «Hyenno» (kan henda Høgeim (Lei 41) i Fresvik sokn?)⁵⁴¹ som biskopen fekk av **Kolbein Guttormsson** i kyrkjerekneskap. Noko meir har eg ikkje funne om Kolbein, men også han må ha vore kyrkjeverje. Det opptre ein Kolbein Guttormsson som rådmann i Trondheim i 1430-åra, men dersom godset ligg i Sogn er det meir tvilsamt om det er tale om same mann.

SAK 161: [1483]: Ei yngre tilføyning frå midten av 1500-talet i Munkeliv klostres jordebok, fortel at **Amund Torleivsson Koggenagel** gav 7 [mmb?] i «Mycletun i Dal» straks ovanfor prestegarden, halvta [til klosteret], og andre halvta til stiftet, i 1483.⁵⁴²

Garden kan ikkje identifiserast sikkert, men den må ha lagt i Sogn, mest truleg i Luster eller Årdal. I jordebøkene til Munkeliv frå 1591 er den ført mellom Hestetun (Ård 16) i Årdal og Flattun (Lus 81) i Luster, medan den i jordeboka 1647 er ført mellom Kvernøy under Grov (Haf 77) i Hafslo og Vikjeim (Sog 33) i Sogndal. Det vert då tilføydd at garden «findes iche».⁵⁴³ **Amund Torleivsson Koggenagel** er nemnt som rådmann i Bergen i tida 1454–1479, og i 1454 er han jamvel byfut.⁵⁴⁴ Han har såleis tilhøyrt aristokratiet.

537. Kvitrud 1998, s. 46, skriv at ein Erling «Torgildsen» i 1362 er nemnt som eigar av ein part i Kvamme i Borgund, men det er ei feillesing for Torkjellsson.

538. Jf. Kvitrud 1998, s. 45.

539. Ein Eirik Lodinsson sel jord i Sogn i 1411 (sjå sak 119).

540. Jf. L. Hamre 1963b.


541. Ein part av garden er Munkelivgods i tidleg nytid.

542. DN, XII, nr. 190.

543. NRA, RK, LR, Jordebøker for Munkeliv kloster og St. Hans kyrkje gods 1591 og 1647, pk. 1, legg 3

544. DN IV, nr. 931 (1454), DN IV, nr. 973 (1472) og DN IV, nr. 988 (1479). Jf. Solberg 1975, s. 186.

SAK 162: 11. mai 1484, Bergen: Bygselbrev frå **Andres Jansson**. Han har bygsla til Bernt Suttman, Claus Eberling og Claus Jansson grunnen og tomta som bakarhuset står på ved Bryggesporen, samt kálhagen, for 4 gylden árleg.⁵⁴⁵



Figur 18. Seglet til Andres Jansson i 1484 (DN IV, nr. 998). Teikning i NRA, KA.

På bakgrunn av dette brevet, samanhalde med to brev frå høvesvis 1581 og 1584, der adelsmannen Jens Nilsson til Semeleng i Valdres sel sin odelsgrunn i Bergen, med kálhagen, som ligg nedanfor Hallvardskyrkja på Skreddarstretet mot Bryggesporen,⁵⁴⁶ viste Anders Bjønnes, Lars Løberg, Tore H. Vigerust og Tor Weidling i 1994 at denne **Andres Jansson** (dei reknar forma Jansson frå 1484 for ei vokalforveksling av skrivaren) er farfars far til Jens Nilsson.⁵⁴⁷ Dei reknar han for å vera identisk med den Andres Jansson som er nemnt som nummer tre av dei 13 lagrettemennene i Sogn som utferdar eit brev på Kaupanger i 1480 (sjå sak 620), og vidare at han kan vera den same som den Andres Jansson som beseglar eit vitnebrev på Graneim i 1468, då ein Torstein Fredriksson sel jord i Valdres.⁵⁴⁸ Andres Jansson si tilhøyrslse til det som har vorte omtalt som eit «adelig miljø» i 1480 og 1484, vert understreka ved at han i 1484 beseglar brevet før futen i Sogn, velbyrdig mann Guttorm Tjeld, som på same tid var medlem av riksrådet.⁵⁴⁹

SAK 163: 1488, Opedal i Ullensvang: Vitnebrev frå Aslak Øyolvsson «etc.», lagrettemenn i Hardanger. Dei vitnar at **Isak Øyvindsson** («euendeson») og hans søster **Sigríð [Øyvindsdotter]** var rette odelsfolk til heile Skeie (Vikøy 21) i Steinsdalen i Hardanger, og har følgd deira formenn frå heiden haug.⁵⁵⁰

Eg har ikkje funne andre kjelder der **Isak Øyvindsson** eller søstera **Sigríð** er nemnt, og dei let seg dermed ikkje identifisera sosialt.

SAK 164: [omlag 1500]: Opplysingar om transaksjonar og liknande frå brotstykke av ei jordebok frå Bergen bispedøme.⁵⁵¹

545. DN IV, nr. 998.

546. UBB, Diplomsamlinga, brev dagsett høvesvis Bergen 1581, og Bergen 10. august 1584. Brev er regesterte i Bjønnes et al. 1994, s. 196.

547. Bjønnes et al. 1994, s. 177–179.

548. DN II, nr. 871.

549. Bjønnes et al. 1994, s. 178–179, og note 50, s. 179.

550. DN XXI, nr. 628.

551. DN XV, nr. 128.

- Biskop Aslak [Bolt, biskop 1408–1428] fekk 5 mmb i Byrkjeland (Vikøy 15–16) i Hardanger av sira **Ragvald**, som brevet viser. Noko meir om sira Ragvald har eg ikkje funne. Han kan såleis ha vore prest ein stad i Hardanger,⁵⁵² eller jamvel kannik i Bergen. Eg vel her å rekna han som lokalgeistleg.
- Biskop Olav [Nikolasson, biskop 1434–1448] fekk 3 mmb i indre tunet i Heradstveit (Vikøy 1/Jon 49) av **Dag Andottsson** i «Reckuik». Nokon gard Rekvik (eller liknande) finnest ikkje i Noreg, men det kan tenkjast at det er tale om Rekke (Voss 15–17) på Voss. Eg har ikkje funne fleire opplysningar om Dag Andottsson. Farsnamnet hans er svært sjeldsynt, og førekjem nesten berre i Telemark og Valdres (sjå sak 99).
- **Jon Islending** gav, med samtykke frå si søster **Margreta**, 1 laup smør i Hammarhaug (Tys 126–127) under domkyrkja i biskop Hans [Teiste, biskop 1474–1506] si tid. Kven denne Jon Islending kan ha vore er uvisst.⁵⁵³
- I 1447 gav **Ingebrigt Toresson** [til bispestolen eller Munkeliv] 6 mmb i Brødrejorda i Læg Reid (Ård 6) i Sogn. Meir om Ingebrigt Toresson har eg ikkje funne.
- **Nikolas Petersson** («Niels Pedher son») gav jord (truleg i Sogn) for si sjel. Rimelegvis har også Nikolas Petersson levd ein gong i 1400-åra, men namnekombinasjonen er så vanleg at det ikkje har vore mogleg å finna meir som kan hjelpe å identifisera han nærare.
- Biskop Olav [Nikolasson, biskop 1434–1448] fekk 17 mmb i Ål (Sog 21) av **Bård i Ål** for tienden i Solvorn. Garden Ål er betre kjend som Sogndal prestegard, og garden var i tidleg nytid delvis i privat eige av folk som tilhørte det øvste sosiale sjiktet av odelsbønder og som må reknast for etterkomarar av den gamle lågadelen på bygdene.⁵⁵⁴ Dette, saman med at han anten opptrer i ombod for Bergensbiskopen som tiendinnkrevjar, eller som tiendkjøpar, kan indikera at også Bård i Ål i det minste må reknast til den lokale eliten.

SAK 165: 18. april 1502, Bergen: Domsbrev frå Hans [Teiste], biskop i Bergen, Christiern Pederssøn, prost ved Apostelkyrkja, Tord Matsson og Audun Toresson, rådmenn. Kom for dei beskjedeleg kvinne **Margrete Ivarsdotter** og klaga over at velbåren mann **Torleiv Benkestokk** hadde teke landskylda hennar av Sæbjørntun og Ystetun i Rønnei (Lus 88) i Gaupne. Torleiv svara at han hadde fått jorda i heimanfølgje med si hustru. Margrete viste fram eit besegla domsbrev om at **Olav Sæbjørnsson** var tildømt jorda på lagtinget i Bergen. Jorda vart tildømt Margrete inntil Torleiv eventuelt kan få omgjort dommen.⁵⁵⁵

552. Milzow, *Presbyterologia Norvegico Vos-Hardangriana*, kjenner ingen prest i Hardanger med dette namnet.

553. Det opptrer ein «her Jon Yslennynghe» i eit brev dagsett Åmli i Setesdalen den 14. oktober 1505 i samband med at ein Aslak Nilsson hadde drepe Amund Bjørnsson. Denne herr Jon Islending hadde fornærma Aslak på det grovaste, og dette var den innleiande årsaken til at drapet fann stad (*DN IV*, nr. 1044). Herretittelen her kan tyda at Jon var riddar, men frå slutten av 1400-talet vert den også nytta om prestar. Er denne identifikasjonen rett, er han helst identisk med Jon Aslaksson som er nemnt prest i Åmli i 1485 (*DN XXI*, nr. 613), og neppe identisk med vår Jon Islending.

554. I til dømes 1613 (NRA, RK, LR Bergenhus len, pk. 15, legg 7) eig Mons på Målsnes i Kvamsøy skipreide 1 laup smør 1 hud i garden. Mons på Målsnes var mellom utsendingane frå Sogn til kongehyllinga 1591 (*ANSH*, bd. I, s. 100), og var etter alt å døma svigerfar til Torstein Lassesson på Venjo i Solvorn skipreide, som i 1625 skatta av det same godset «paa sinn hustrues faders vegne» (NRA, RK, LR Bergenhus len, pk. 40, legg 1). Torstein tilhørte ei anna ætt som må reknast til det same sjiktet (jf. t. d. H. Sollied 1928, s. 223–224).

Det er rimeleg å rekna med at **Margrete Ivarsdotter** var gift med, og truleg enkja etter **Olav Sæbjørnsson**, og at ho opptrer på vegne av borna sine her. Noko meir har eg ikkje funne om henne.⁵⁵⁶ **Torleiv Benkestokk** tilhørte adelsslekta Benkestokk,⁵⁵⁷ og var rimelegvis gift med den hustru **Adelus Eriksdotter** som er nemnt i eit brev frå 1505, der ein **Olav Aslaksson** vedgår å ha gjeve 5 laupsbol i Høgi (Haf 7) til si frenke hustru Adelus Eriksdotter.⁵⁵⁸ Olav Aslaksson må reknast til den lokale eliten i Sogn, og han er mellom dei største skattytarane i Sogn i tiendepengeskatten 1522.⁵⁵⁹



Figur 19. Seglet til bergensrådmannen Laurits Ingesson frå 1463 (DN III, nr. 862). Teikning i NRA, KA. Det inneheld både skjold og hjelm, og viser at han må reknast til aristokratiet.

alter i Krosskyrkja.⁵⁶¹

Dommen vart stadfesta i eit nytt brev, dagsett 15. september 1505, då erkebiskop Gaute i Trondheim, biskop Hans [Teiste] i Bergen og Christiern Pedersson, prost i Apostelkyrkja i Bergen, utferdar eit nytt domsbrev i Bergen. Kom for dei fem rådmenn i Bergen på den eine sida, og Eiliv Andorsson på den andre. Eiliv klaga på rådmennene om sin odelsgrunn Bratten ved Bryggen i Bergen, som hans far «**Andor Nillsson**» for 40 år sidan [altså omlag 1465] hadde sett i pant til Laurits Ingesson for nokre pengar, og Laurits hadde sidan lagt grunnen under Vår

SAK 166: Den 26. februar 1504 utferdar biskop Hans [Teiste] i Bergen, Christiern Pedersson, prost ved Apostelkyrkja, Henrik Bagge, høvedsmann på kongsgarden, og Erlend Frak, lagmann i Bergen, eit domsbrev. Kom for dei «denn erlige mannd Eyleff Andorszenn» og klaga på den grunnen på Bryggen som heiter Bratten, som hans far hadde pantsett til **Laurits Ingesson**, rådmann i Bergen,⁵⁶⁰ og som Laurits hadde gjeve til Vår Frue alter i Krosskyrkja i Bergen. Grunnen vart tildømt **Eiliv Andorsson** ettersom gåva vart sett på som ulovleg. Til vederlag gav Eiliv så mykje som han åtte i skytningsstova på sørsida til Vår Frue

555. UB Bergen, Diplomsamlinga, avskrift på papir frå kring 1820. Brevteksten er trykt i Vigerust 1999b, s. 41.

556. Det kan tenkjast at ho er identisk med den Margrete på Venjo i Hafslo som ei av dei største skattytarane i Sogn i tiendepengeskatten 1522 (NRJ III, s. 393), og som ofte vert rekna som stammor til åtta på Venjo (jf. H. Sollied 1928, s. 223).

557. Om denne slekta, sjå Vigerust 1999a.

558. NHD 1. Række VI, s. 55–56.

559. NRJ III, s. 407.

560. Han er nemnt rådmann i Bergen i 1463 og 1464, jf. G. Solberg 1975, s. 190.

561. DN IX, nr. 458.

Frue alter i Krosskyrkja, og alteret hadde sidan følgt grunnleiga som årleg er 20 bergergylden. Grunnen vart tildømt Eiliv Andorsson, som gav 2 bergergylden av grunnleiga til evig rente til Vår Frue alter.⁵⁶²

Desse breva er berre kjent frå ei vidisse frå 1656 i diplomsamlinga ved UBB, og ut frå det er det er ikkje usannsynleg at forma Andor er ei forvansking av Anders/Andres. Dermed er det heller ikkje urimeleg å freista identifisera denne Andor Nilsson med ein **Andres Nilsson** (Nikolasson) som er nemnt som rådmann i Bergen i tida 1449–1472.⁵⁶³ Det at det er tale om eignelutar i ein sentral bygard på Bryggen gjer det i det minste rimeleg å rekna Eiliv og far hans til dette sjiktet.

Anders Nilsson er elles kjent frå ein annan transaksjon, truleg i Brynjulvsgarden i Bergen, men ettersom brevet er skadd er det vanskeleg å avgjera dette sikkert. Den 8. august 1472 utferdar lagmannen og fem rådmenn i Bergen eit vitnebrev, som seier at dei var til stades då **Andres Nilsson**, rådmann i Bergen, og hustru **Ragnhild Øysteinsdotter**, på den eine sida, handtokst med hustru **Lucia Petersdotter**, kona til **Sigurd Jonsson**. Det var i avtalen deira at Anders, i fullt ombod for **Peter Andersson** og **Birgitta Aslaksdotter**, kona hans, selde til Lucia, i full makt og vilje for mannen sin, Sigurd, ein tomt og steikarhuset i søre luten «i Bryniolfs kirkio sokn nest vtan for Dr..... i

Bergin». Anders og Ragnhild vedgjekk å ha fått full betaling.⁵⁶⁴ Grete Solberg meiner det ser ut til å vera tale om fleire eigedomar i Bergen, og at det at Anders opptre i ombod for Peter Andersson og hustrua hans, kan tyda på at Peter er sonen til Anders.⁵⁶⁵ Det siste er i alle høve ei rimeleg tolking. Bruken av hustrutittel hjå Lucia Petersdotter indikerer at også ho og mannen hennar må reknast til aristokratiet.⁵⁶⁶ Andres Nilsson ser elles ut til å ha hatt eit samband til Stockholm, for i 1475 donerer han eit sølvbelte til Storkyrkan der i byen. Rimelegvis har han døydd ikkje lenge etter dette,



Figur 20. Seglet til Andres Nilsson frå 1472 (DN IV, nr. 973). Teikning i NRA, KA. Til liks med seglet til Laurits Ingesson viser dette at eiga-aren må reknast til aristokratiet.

562. DN IX, nr. 459.

563. G. Solberg 1975, s. 184–185, med tilvisingar til DN IV, nr. 911 (1449), DN XXI, nr. 494 (1458) og DN IV, nr. 973 (1472). Ho reknar vidare med at han er identisk med den «Andres Nickels^{son}» som er nemnt i 1447 (DN XVI, nr. 161, s. 174), men at det er mindre truleg at han er identisk med riksråden med same namn frå eit brev dagsett Kalmar 1471 (DN III, nr. 893).

564. DN IV, nr. 973, jf. også Lorentzen 1951, s. 238.

565. G. Solberg 1975, s. 185.

566. Det opptre mellom anna ei hustru Lucia Petersdotter i Gudbrandsdalen i 1440-åra (DN III, nr. 780 og 781; jf. DN XVIII, nr. 346), men om dette er same person er uvisst. Ei anna Lucia Petersdotter vitnar i 1456 i ei sak om korleis Austrått-godset vart fordelt. Ho hadde lenge gjort teneste på Austrått (DN III, nr. 834).

for den 20. juli 1476 kom ein Joan Olsson frå «Berkieby» i «Sunga» sokn for rådstueretten i Stockholm og bad borgarmeisteren Ludvig Vestman om å skriva til Bergen for å høyra om den arven som kunne tilfalla Joan Olsson etter Andres Nilsson.⁵⁶⁷

SAK 167: 16. juli 1505, Innvik: Salsbrev frå **Sjurd Andersson**. Han har selt 9 mmb i Skådi (Inn 47) i Innvik kyrkjesokn i Nordfjord til beskjedeleg mann **Eirik Henningsson**, og fått full betaling.⁵⁶⁸ Tidlegast same dag utferdar Eirik Henningsson ei kunnngjering, der han reknar opp det han har gjeve til Sjurd Andersson for 9 mmb i Skådi i Innvik.⁵⁶⁹

Eirik Henningsson er i følge Jacob Aaland truleg identisk med den Eirik på Skådi som i 1520 er av dei som betalar mest i tiendpengeskatt i Innvik.⁵⁷⁰ Dette indikerer at han bør reknast til den lokale eliten.

SAK 168: [1505], [Bergen]: Domsbrev frå Erlend Andersson, Gulatings og Bergens lagmann. Han har tildømt **Ivar Sigurdsson** («Sygvardsøn») 2 mmb i Hakastad (Ulv 52–53) som Ivar budde på, men som **Erling Arnesson** gjorde krav på etter sine forfedre. Ivar prova at han hadde fått jorda med si kone **Håbera Eiriksdotter**, og hadde hatt den i to år. Erling skal ha høve til å reisa saka på ny innan 12 månader dersom han kan skaffa seg prov.⁵⁷¹

Opplysninga om at **Ivar Sigurdsson** budde på Hakastad, indikerer at desse tre bør reknast for bønder.⁵⁷² **Erling Arnesson** er kan henda identisk med den Erling Arnesson som i 1529 må bota av di sonen hans, Amund Erlingsson, hadde kome i skade for å ta livet av ei Gunnhild Tomasdotter.⁵⁷³

SAK 169: [før⁵⁷⁴ 3. april 1512]: Salsbrev frå **Halldor Øysteinsson**. Han har selt til **Nikolas Eiriksson** 4 laupsbol i Ulsnes (Ull 133) og 3 spansbol i Tveisme (Ull 134).⁵⁷⁵ Eit anna brev, dagsett Kinsarvik den 3. april 1512, er eit vitnebrev frå lagretten, som seier at foreldra til **Viking Sigurdsson** («Siursen») på Tveisme har upåtalt ått som kjøpegods 4 laupsbol i Ulsnes (Ull 133) og 3 spansbol i Tveisme (Ull 134).⁵⁷⁶

567. Lamberg 1997, s. 184–185.

568. DN II, nr. 1023.

569. DN XXI, nr. 693.

570. Aaland 1932b, s. 68.

571. DN XXI, nr. 696.

572. Kan henda er enkja på Hakastad som i tiendpengeskatten 1521 betalar 12 lodd sølv for seg og si mor, identisk med **Håbera Eiriksdotter** (NRJ III, s. 144).

573. DN VIII, nr. 615.

574. Det kan vera tale om nokså lenge før april 1512.

575. DN XXI, nr. 708.

576. DN XXI, nr. 709.

Halldor Øysteinsson er truleg identisk med den Halldor Øysteinsson som i 1481 eller 1482 er nemnt som oldermann i St. Nikolasgildet i Øystese i Hardanger.⁵⁷⁷ Eg vil rekna han til den lokale eliten på bakgrunn av ombodet som gildeforstandar eller oldermann.⁵⁷⁸

Kven kjøparen **Nikolas Eiriksson** er, har eg ikkje funne, men det er vel rimeleg å rekna med at **Viking Sigurdsson** er gift med ei dotter av Nikolas, ettersom han omtalar sine foreldre (som rett nok også kan tyda forfedrar, men neppe her) og deira kjøpegods. Jorda er såleis ikkje vorte odel i 1512, noko som fortel at den ikkje har vore i eiga hjå slekta i 60 år. Heller ikkje Viking Sigurdsson har eg funne meir om.

SAK 170: 3. mars 1520, Trondheim: Gåvebrev frå **Gaute Galle**, riddar. Med samtykke frå si hustru, sin bror **Olav Galle** og deira andre søsken, gjev han ein tomt på Bryggen i Bergen som heiter Skjeggen, og som rentar årleg 2 bergensgylden i grunnleige, til St. Olavs alter i Trondheim. Han har arva tomta etter si mor **Kirstine Gautesdotter**, og han gjev den for sjelehjelp til sin morfar **Gaute Kane**, som ligg gravlagt der ved alteret, og for sine og si hustrus foreldre.⁵⁷⁹

Alle desse tilhøyrrer aristokratiet.⁵⁸⁰

577. DN VIII, nr. 410. Det førekjem elles ein Halldor Øysteinsson som er lagrettemann i Slidre i Valdres i 1520-åra, men dette er nok ein annan mann.

578. Jf. G. A. Blom 1960b, sp. 310.

579. DN V nr. 1027.

580. Galle-slekta er handsama i ein noko forelda artikkel i *DAA* 1893, samt i Agerholt 1927. Jf. dessutan Weidling 1998a, s. 39–43. Kane-ætta har på si side enno ikkje fått nokon god monografi, trass i at den leverte minst fem riksrådar i løpet av 1300- og 1400-talet. Ødegård 1959 inneheld for mykje dårleg arbeid, og artikkelen om Kane i *DAA* 1899 er fullstendig forelda. Sjå likevel S. H. Berg 2004, s. 76–77, med tavler; jf. Gunnes 1997, s. 62–63.

4.3 Frå Bergens Kalvskinn

Notisar om transaksjonar i jordeboksopplysningar frå Bergens Kalvskinn. Med omsyn til dateringane av desse donasjonane, er det rimeleg å rekna med at dei aller fleste har gått føre seg i første halvta av 1300-talet. Dateringane av listene over jordegodset til dei forskjellige kyrkjene og prestebola varierer likevel ein heil del frå region til region.⁵⁸¹

SAK 171: Til kyrkja på Nesi i Oppstryn.⁵⁸²

- **Ivar på Glomnes** gav ½ mmb i biskopstunet i øvre Bø (sjå sak 41).

SAK 172: Til presten i Olden.⁵⁸³

- I Soleim (Inn 10) 2 tveitesleiger som sira Bjørn skifta til seg for 2 tveitesleiger i Myklebost (Inn 22) som var gjeve til kyrkja for sjela til **Jon Smør**. Kven denne Jon Smør kan identifiserast med, er uklårt. P. A. Munch hevdar at han heitte Jon Hallvardsson og var ein soneson av den Jon Ragnvaldsson som var riddar og gjaldker i Bergen (sjå sak 9),⁵⁸⁴ men dette er grundig tilbakevist av Geirr Leistad. Truleg er det likevel han som må vera far til brørne Hallvard og Torgaut Jonssøner, som etter alt å døma må vera fødte kring 1310. Leistad reknar med at han var gift med ei Ulvhild. Aristokratiet har han i alle fall vore ein del av, ettersom sonen Torgaut Jonsson førte det såkalla Smør-våpenet i seglet sitt, var væpnar, og fehirde i Tunsberg i 1350.⁵⁸⁵
- **Olav «bræidr»** gav 1 mmb i Bakkatun i Bødalen (Stryn 77). Om han, sjå kap. 4.38.
- **Ragna på Myklebust** gav 2 tveitesleiger i Avlei (Inn 5). Ho er dessutan sagt å ha gjeve 1 mmb i Faleide (Inn 70) til kyrkja i Utvik, og det kan også tenkjast at ho er identisk med **Ragnhild på Myklebust** som er sagt å ha gjeve 1 teig under Blakksæte (Inn 54) til kyrkja i Utvik (sjå sak 180). Det er i det minste rimeleg å rekna med at det i alle desse tilfella er tale om folk på garden Myklebust (Inn 75) i Utvik sokn i Innvik i Nordfjord. Det har ikkje vore mogleg å identifisera desse to(?) nærare.
- Herr **Gunnar** gav 5 mæler åker i Avlei (Inn 5). Om herr Gunnar, sjå sak 421.
- I Sande (Stryn 73) som **Simon Hallsteinsson** gav til årtidhald. Eg har ikkje funne meir om Simon Hallsteinsson.

SAK 173: Til kyrkja i Olden.⁵⁸⁶

- I Bø[dalen] (Stryn 77) ½ mmb som **Margret «barta kona»** gav. Om henne, sjå kap. 4.38.

581. Om dateringane av dei forskjellige listene, sjå innleiinga til Finn Hødnebo og Ole-Jørgen Johannessen i *BK*, s. 16–20.

582. *BKMunch*, s. 11; *BK*, pag. 6b; jf. *RN IV*, nr. 623, note.

583. *BKMunch*, s. 12; *BK*, pag. 7a.

584. P. A. Munch 1862, s. 908; jf. P. A. Munch 1863, slektstavle 10.

585. Leistad 1985a, s. 127.

586. *BKMunch*, s. 12; *BK*, pag. 7b.

SAK 174: Til presten i Loen.⁵⁸⁷

- **Inga Tomasdotter** gav ½ laup i Tenna (Stryn 68). Eg har ikkje funne meir om henne. Det kan tenkjast eit samband til Hallstein Berdorsson som også gjev bort gods i Tenna til lysing for krossen på Eide (sjå sak 48).
- **Inga på Sunde** gav ½ mmb i Nesdalen (Stryn 77–78) for sjela til Sigurd, husbonden sin. Om desse, sjå kap. 4.38.

SAK 175: Til kyrkja i Loen.⁵⁸⁸

- **Sigrid** gav 1 tveitesleige i Hogrenning (Stryn 75). Om henne, sjå kap. 4.38.

SAK 176: Til presten i Innvik.⁵⁸⁹

- **Nikolas Bårdsson** gav i testamentet sitt 3 mmb i Skådi (Inn 47), eitt til prestebølet, eitt til kyrkja på Hilda og eitt til Lavranskyrkja [på Skådi]. Vitner var Sigurd Lodinsson, fru Ægeleiv (om henne, sjå s. 107), og Baugeid, husfrua hans [dvs. til Sigurd Lodinsson].⁵⁹⁰ Nikolas Bårdsson er også tvil-laust identisk med den **Nikolas** som er nemnt under kyrkja på Skådi, eller Lavranskyrkja, som han gav 1 laup i Skådi til (sjå sak 178), slik det også går fram av det ovanståande. Noko meir om Nikolas Bårdsson har eg ikkje funne.
- **Bård Bårdsson** gav til prestebølet for årtidhald for seg 15 mæler korn og 1 laup smør. Kor vidt dette er tale om jordeigedom eller berre om gåver i naturalia er usikkert, men ettersom det er tale om ei jordeboksinnsførsle er det vel helst det første. Bård Bårdsson opptretr ikkje i andre kjelder.
- **Olav «blesus»** gav ½ mmb i Lyslo (Inn 48), og **Arne [Olavsson]**, sonen hans, gav eit anna ½ mmb. Under kyrkja på Innvik vert det sagt at kyrkja tek ½ månadsmatleige i Lyslo, og ei anna ½ månadsmatleige som **Arne «vippa»** gav (sjå sak 177). Rimelegvis er denne Arne «vippa» same mann som sonen til Olav «blesus». Olav «blesus» er dessutan sagt å ha gjeve ½ mmb i Lyslo til kyrkja på Skådi (sjå sak 178). Tilnamnet til Olav, *blesus*, er vel helst det latinske adjektivet *blaesus* som tyder lespane eller stamme, ⁵⁹¹ og neppe ei latinisering av det norrøne *blesi* slik Lind meiner.⁵⁹² Eg har ikkje funne meir om nokon av desse to.

SAK 177: Til kyrkja i Innvik.⁵⁹³

- Kyrkja tek ½ månadsmatleige i Lyslo (Inn 48), og ei anna ½ månadsmatleige som **Arne «vippa»** gav (sjå sak 176).
- I Berrsete (Inn 96) 1 månadsmatleige som fru **Ægeleiv** gav (sjå s. 107).
- I Berge (Inn 74) 1 månadsmatleige som **Arne «gyghir»** gav for skuld. Det kan vel ikkje utelukkast at han er identisk med den Arne «giüg» som er nemnt som vitne i eit brev på Voss i 1324,⁵⁹⁴ men noko meir enn ei gissing vert det ikkje.
- 2 mmb i Avlei (Inn 5) som **Romfare bonde** gav for si rekning i 1323 (sjå sak 43).

587. *BKMunch*, s. 12; *BK*, pag. 7b.

588. *BKMunch*, s. 13; *BK*, pag. 8a.

589. *BKMunch*, s. 13; *BK*, pag. 8a–b.

590. Jf. Steinnes 1971, s. 34.

591. Johanssen et al. 1998, s. 85.

592. E. H. Lind 1920–1921, sp. 30.

593. *BKMunch*, s. 13–14; *BK*, pag. 8b–9a.

594. *DNI*, nr. 178; *RN IV*, nr. 310.

- ½ mmb i Hopland (Inn 85/Glo 50) som sira **Rognald** gav for 2 ½ kyrlag. Den same sira Rognald er dessutan sagt å ha kjøpt ½ månadsmatleige i Lyslo (Inn 48) og ½ månadsmatleige i Faleide (Inn 70) til kyrkja i Innvik, samt 1 settings tveiteleige i Heggdal (Inn 49) til kyrkja på Skådi (sjå sak 178). Desse kjøpa har han nok gjort i eigenskap av prest, men godset i Hopland har etter alt å døma vore hans eige privatgods. Rimelegvis har han vore prest i Innvik, men noko meir om sira Rognald har eg ikkje funne.

SAK 178: Til kyrkja på Skådi, eller Lavranskyrkja:⁵⁹⁵

- 1 laup i Skådi (Inn 47) som **Nikolas** gav (sjå sak 176).
- ½ mmb i Lyslo (Inn 48) som **Olav «blesus»** gav (sjå sak 176).
- ½ månadsmatleige i Ulvedal (Inn 51) som **Øygjerd** gav. Namnet er svært sjeldsynt, og den einaste som høver hjå Lind⁵⁹⁶ er søsterdottera til Bjarne Erlingsson som får noko gods i testamentet hans. Men dette kan ikkje vera den same, ettersom det er vist at Øygjerd i testamentet må vera feilskrift for Sigrid. Sjå meir om dette i kap. 4.17. Denne Øygjerd i Nordfjord har eg dermed ikkje funne meir om, og ho let seg ikkje identifisera nærare.
- 1 settings tveiteleige i Heggdal (Inn 49) som sira **Rognald** kjøpte (sjå sak 177).

SAK 179: Til presten i Utvik:⁵⁹⁷

- 11 laup i Værlo (Inn 77) som **Olav Kåresson** gav. Eg har ikkje funne meir om Olav Kåresson.

SAK 180: Til kyrkja i Utvik:⁵⁹⁸

- 2 tveiter i Myklebust (Inn 75), samt andre 2 tveiter som **Tora** gav. Jacob Aaland reknar med at ho budde på Myklebust,⁵⁹⁹ men eg kan ikkje sjå at det er noko grunnlag for å hevda det. Meir har eg likevel ikkje funne om henne, men det kan tenkjast at ho er identisk med Tora på Mel (sjå sak 189).
- 1 mmb i Faleide (Inn 70) som **Ragna på Myklebust** gav (sjå sak 172).
- Ein teig under Blakksæte (Inn 54) som byggjest for ½ laup som **Ragnhild på Myklebust** gav for landskyld og kyrleige (sjå sak 172).

SAK 181: Til presten til kapellet på Eide som ligg til Austreims kyrkje [i Gloppen].⁶⁰⁰

- ½ mmb i søre Eide (Glo 76) som **Eirik på Eide** gav til årtidhald for seg sjølv. Til kyrkja på Eide i Gloppen gav han 1 mmb i Dvergsdal (vel Jøl 36) (jf. neste sak). Jacob Aaland meiner at han ikkje kan vera identisk med ein Eirik på Søreide som i 1338 utferdar eit provsbrev saman med mellom anna to kongelege ombodsmenn,⁶⁰¹ men eg trur ikkje Aaland kan ha rett i dette. Etter mitt syn er det svært så sannsynleg at han er identisk med han, ikkje minst ettersom han også gjev bort jord i Søreide i Gloppen. Han kan også vera identisk med den Eirik på Eide som i Nidaros 1343 utferdar eit vitnebrev om sal av noko jordegods på Nordmøre, saman med ein Bjørn på Kile.⁶⁰² Utgjevarane av RN reknar med at det her er tale om Eide i Eide på Nordmøre,⁶⁰³ men ettersom Bjørn på Kile er frå Volda på Sunnmøre er det ikkje usannsynleg at

595. *BKMunch*, s. 14; *BK*, pag. 9a.

596. E. H. Lind 1905–1915, sp. 246.

597. *BKMunch*, s. 14; *BK*, pag. 9a.

598. *BKMunch*, s. 14; *BK*, pag. 9b.

599. Aaland 1932b, s. 198.

600. *BKMunch*, s. 15; *BK*, pag. 12a.

601. DN XIII, nr. 11; RN V, nr. 117; jf. Aaland 1935b, s. 360.

602. DN XXI, nr. 70; RN V, nr. 618.

603. RN V, s. 456.

Eirik på Eide kan vera frå Nordfjord. Dette vert likevel ikkje noko meir enn ei hypotese. Eg meiner det er rimeleg å rekna Eirik på Eide til den lokale eliten i Nordfjord på bakgrunn av miljøet han opptre i 1338.

SAK 182: Til kyrkja på Eide [i Gloppen]:⁶⁰⁴

- 1 mmb i Dvergsdal (vel Jøl 36) som **Eirik på Eide** gav (sjå førre sak).

SAK 183: Til presten på Vereide:⁶⁰⁵

- 1 mmb i Grov (Glo 11) som fru **Gyrid** gav (sjå sak 421).
- 2 ½ [mmb] i «Hælg hæimi» (Inn 85/Glo 50) som sira **Simon** gav til årtidhald for seg. Rimelegvis har sira Simon vore prest i Nordfjord, og truleg er han identisk med den sira Simon som opptre som prest i Olden kring 1340.⁶⁰⁶

SAK 184: Til presten ved kapellet på Vereide:⁶⁰⁷

- 1 ½ [mmb] i Føleide (Glo 52) som **Peter bonde** gav til kyrkjas opphald (sjå kap. 4.9).

SAK 185: Til kyrkja på Vereide:⁶⁰⁸

- 1 ½ mmb i Føleide (Glo 52) som **Peter på Eide** gav til kapellets opphald (sjå kap. 4.9).

SAK 186: Til presten på Gjemmestad:⁶⁰⁹

- 2 tveitesleiger i Mardal (Glo 3) som **Torstein «batter»** gav til årtidhald for seg. Lind meiner at Torstein er identisk med kjertesveinen Torstein Båt som fall i slaget ved Largs i Skottland den 2. oktober 1263.⁶¹⁰ Er dette rett, må han reknast til det lågare sjiktet av aristokratiet.
- 3 mmb i Rygg (Glo 12) som fru **Gudrun** gav, halvt til presten, halvt til kyrkja, på det villkår at ho skulle ta leiga medan ho lever (sjå sak 421).
- Herr **Gunnar** gav 3 [mmb] i Helgheim (Inn 85/Glo 50) til årtidhald og sjelemesser for seg (sjå sak 421).
- Fru **Gyrid** gav 2 ½ [mmb] og 1 settings tveite i Rygg (Glo 12) med same skilord (sjå sak 421).
- Sira **Sigurd pater** gav ½ mmb i Skryppe (Breim 7), og **Jon Sæbjørnsson** gav 2 tveitesleiger i Ramnstad (Glo 13).

Jon Sæbjørnsson har eg ikkje funne meir om, men sira Sigurd pater er nemnt i eit brev frå 1338 som prest i Bergen. Det er eit brev frå biskop Håkon til erkebiskop Pål Bårdsson i Nidaros, der biskopen har motteke erkebispens brev med oppmoding om å lata sira Sigurd pater reisa nordover til Nidaros, der erkebiskopen har bruk for han. Biskop Håkon gjev han orlov, men med atterhald om at han kjem attende så snart kyrkja i Bergen har trong for han.⁶¹¹ At han drog nordover vitnar eit anna brev frå 1338 om, der biskop Håkon skriv til erkebiskop Pål at sira Arnfinn og sira Sigurd pater kan fortelja han nyhende.⁶¹² Truleg er han også identisk med den sira Sigurd ved den vesle

604. *BKMunch*, s. 15; *BK*, pag. 12a.

605. *BKMunch*, s. 15; *BK*, pag. 12b.

606. *DN IX*, nr. 120, og *XVIII*, nr. 14; *RN V*, nr. 281 og 396.

607. *BKMunch*, s. 15; *BK*, pag. 12b.

608. *BKMunch*, s. 15–16; *BK*, pag. 12b–13a.

609. *BKMunch*, s. 16; *BK*, pag. 13a–b.

610. E. H. Lind 1920–1921, sp. 16–17. Jf. *HHS*, s. 307; *HHVigf*, kap. 326, s. 349.

611. *DN VIII*, nr. 106; *RN V*, nr. 94–96.

612. *DN VII*, nr. 153; *RN V*, nr. 120.

Kristkyrkja i Bergen som vert tilgodesett i testamentsupplementet til lagmannen og nordfjordingen Eindride Simonsson (om han, sjå kap. 4.24).⁶¹³ Den vesle Kristkyrkja låg like ved den store Kristkyrkja på Holmen nord for Håkonshallen, og vart i 1271 overdrege til kannikane ved domkyrkja til deira underhald. I 1320 vart den soknekyrkje for dei som arbeidde i kongsgarden.⁶¹⁴ Ut frå det er det vel rimeleg å rekna med at Sigurd også var kannik i Bergen, og som er nemnt som det i 1336.⁶¹⁵ Kan henda er det same mann som i 1328 er prebendarius ved Pålalteret i Kristkyrkja i Bergen.⁶¹⁶ På bakgrunn av dette vil eg rekna han til det geistlege aristokratiet. Eksempelet her understrekar også at donasjonar av små jordpartar ikkje fortel mykje om den sosiale statusen til donatoren.⁶¹⁷

SAK 187: Til kyrkja på Gjemmestad:⁶¹⁸

- 1 ½ laup i Rygg (Glo 12) som fru **Gudrun** gav (sjå sak 421).

SAK 188: Til presten på Hyen:⁶¹⁹

- **Olav på Arnestad** gav 1 månadsmatleige til kyrkja [vel på Hyen]. Det er ikkje sagt kvar dette jordegodset låg, og eg har ikkje funne meir som kan identifisera gjevaren ut over at han har budd på Arnestad (Glo 7–8) i Gloppen, som også var prestegard i mellomalderen.⁶²⁰

SAK 189: Til presten på Eid:⁶²¹

- ½ laup i indre Hundeide (Eid 16–17) som **Lodin** gav. Han er rimelegvis identisk med den Lodin som er eitt av vitna i ei sak om odelsrett i indre Hundeide i 1321 (sjå også kap. 4.30),⁶²² men noko som kastar ljøs over den sosiale statusen hans har eg ikkje funne.
- 2 mmb i nedre Årdalen (Dav 46) som herr **Eindride** gav til årtidhald for seg og skråsetjing (om herr Eindride Simonsson, sjå kap. 4.24)
- 1 mmb i ytre Hundeide (Eid 16–17) som **Tora på Mel** gav. **Kolbein**, sonen hennar, er sagt å ha gjeve 2 mmb i «thæimi» (som vel må vera same garden, Eid 16–17 ytre Hundeide). Ut over dette har eg ikkje funne noko om dei, men det er rimeleg å rekna med at Kolbein her er identisk med anten Kolbein gjest eller Kolbein i Vik som er nemnt som vitner i saka om odelsrett i indre Hundeide i 1321 (sjå også kap. 4.30).⁶²³
- ½ mmb i Lida (Eid 35) som **Sigurd «sulten»** gav. Meir har eg ikkje funne om han.

613. DN I, nr. 243; RN V, nr. 13.

614. DN V, nr. 7; DN VII, nr. 89; jf. Lidén og E. M. Magerøy 1980, s. 144.

615. N^gL III, s. 284; RN IV, nr. 1192.

616. DN I, nr. 194 og 195; RN IV, nr. 564 og 569.

617. Knut Dørum ser ut til å meina at donasjonar av mindre jordpartar til geistlege institusjonar indikerer at donatoren må reknast som «bonde», jf. t. d. Dørum 2004, s. 194–199 og 432.

618. *BKMunch*, s. 16; *BK*, pag. 13a.

619. *BKMunch*, s. 16; *BK*, pag. 13b.

620. Jf. Aaland 1935b, s. 31.

621. *BKMunch*, s. 17–18; *BK*, pag. 14b–15a.

622. DN III, nr. 122; RN IV, nr. 105.

623. DN III, nr. 122; RN IV, nr. 105.

- ½ mmb i Vevikja (Eid 57) som **Bård «rotwinn»** gav. Like mykje i same garden gav han til kyrkja på Eid (sjå sak 190).
Både Oluf Rygh og E. H. Lind reknar med at tilnamnet «rotwin(n)» er gardsnamnet Roti (Eid 8) i Eid, og dermed implisitt at Bård har budd på Roti.⁶²⁴ Dette seier likevel ikkje noko om det sosiale statusen hans.
- 1 mmb i indre Hundeide (Eid 16–17) som **Tord Gamalsson** gav (om han, sjå kap. 4.30).
- ½ mmb i Faleide (Inn 70) som **Solveig Erlingsdotter** gav, og ho gav like mykje i same garden til kyrkja på Eid (sjå sak 190). Eg har heller ikkje funne meir om henne.

SAK 190: Til kyrkja på Eid.⁶²⁵

- 2 tveitesleiger i Røynestrand som **Arne «kæykr»** gav. Garden det her er tale om er rimelegvis gnr. 52 Røynestad i Sande på Sunnmøre. Det har ikkje lukkast å identifisera Arne «kæykr» nærare.
- ½ mmb i Vevikja (Eid 57) som **Bård «rotwin»** gav (sjå sak 189).
- ½ mmb i Faleide (Inn 70) som **Solveig Erlingsdotter** gav (sjå sak 189).

SAK 191: Til kyrkja på Grotle.⁶²⁶

- Den tredje skjettingen i Nøtsæt (Brem 28) som herr **Serk** gav (sjå s. 107).
- 1 mmb i Andalen (Kinn 21) som fru **Ægeleiv** gav (sjå s. 107).

SAK 192: Til presten på Grotle.⁶²⁷

- 4 [laup] og 2 settingar i indre Grotle (Brem 11–12) som herr **Serk** gav (sjå s. 107).
- Ein annan skjetting i Nøtset (Brem 28) som herr **Serk** gav (sjå s. 107).
- 9 ½ tveitesleige i ytre Reksta (Kinn 40–41) som den same gav (sjå s. 107).
- 2 laup i Andalen (Kinn 21) som fru **Ægeleiv** gav (sjå s. 107).

SAK 193: Til kapellet på Holsen.⁶²⁸

- 2 mmb og 1 spann i Nyddalen (Før 14) som **Torgils** gav. Det har ikkje lukkast å identifisera denne Torgils.

SAK 194: Til kyrkja på Naustdal.⁶²⁹

- 2 mmb i Åmot (Før 108) som sira **Gunnar** gav. Heller ikkje sira Gunnar har det vore mogleg å identifisera, men eg reknar han likevel mellom dei lokalgeistlege.

624. Rygh og A. Kjær 1919, s. 429; E. H. Lind 1920–1921, sp. 297.

625. *BKMunch*, s. 18; *BK*, pag. 15b.

626. *BKMunch*, s. 20–21; *BK*, pag. 17b–18a.

627. *BKMunch*, s. 21; *BK*, pag. 18a.

628. *BKMunch*, s. 22; *BK*, pag. 19a.

629. *BKMunch*, s. 22; *BK*, pag. 19a.

SAK 195: Til kyrkja på Askvoll.⁶³⁰

- 1 spansbol i Byrkjeland (Hyl 58) i Hyllestad sokn som **Orm på Folkestad** gav. Han gav dessutan like mykje i same garden til kyrkja på Vilnes (sjå sak 196). Ut over at han har budd på garden Folkestad (Askv 77–78) i Vilnes sokn i Askvoll, har eg ikkje lukkast i å finna meir om Orm.

SAK 196: Til kyrkja på Vilnes.⁶³¹

- 1 spansbol i Byrkjeland (Hyl 58) i Hyllestad sokn som **Orm på Folkestad** gav (sjå sak 195).

SAK 197: Til kyrkja i Holmedal.⁶³²

- **Unn i Tyssedalen** (Fja 27) gav 1 mmb til årtidhald for seg, helvta til prestebolet og helvta til kyrkja. Det er ikkje sagt noko om kvar dette jordegodset låg,⁶³³ og eg har heller ikkje lukkast i å finna meir om henne.
- **Nikolas på Tysse** gav 1 mmb i Strand (Fja 56), helvta til presten og helvta til kyrkja. Heller ikkje Nikolas har det lukkast å identifisera nærare.

SAK 198: Til kyrkja på Dale i Sunnfjord.⁶³⁴

- Presten tek 5 kyr i jordøyre som **Brynjolv Ogmundsson** gav for 1 ½ mmb i «Nesinn» (sjå kap. 4.23).

SAK 199: Desse jordene ligg til det Mariaalteret som **Gunnar Råsvein** lét gjera: i Sandvik (Lus 76) i Gaupne sokn 10 ½ [mmb], i Hauge (vel Voss 192–193) på Voss 4 [mmb], i Brekko (Voss 40) på Voss 4 [mmb], i Raustad (Voss 41) på Voss 19 [mmb], i Kvamme (Mas 32) i Fjon 5 [mmb], i Mangersnes (Man 44) 2 [mmb], i Li (Tys 132) i Onarheim sokn 5 [mmb], i Vevatne («Geuatnn») (Tys 118) i Tysnes sokn 4 [mmb], 4 ½ [mmb] i «hatta stodum i talghenne» (vel Bal 49 Hatlestad), 8 mmb i Nummedal (Vik 8–9) i Vik i Sogn, samt 4 [mmb] i Haugo (Haf 59?) i Sogn.⁶³⁵

630. *BKMunch*, s. 24; *BK*, pag. 21a.

631. *BKMunch*, s. 25; *BK*, pag. 22a.


632. *BKMunch*, s. 25–26; *BK*, pag. 22b–23a.

633. Det er mogleg at det har vore i Tyssekvam (Fja 26), der Holmedal prestebol eig heile garden i tidleg nytid (*NKJ* III, s. 126).

634. *BKMunch*, s. 26; *BK*, pag. 23a.

635. *BKMunch*, s. 33; *BK*, pag. 30b.

Kor vidt han også la til alt jordegodset er uvisst, men ein del av det må han ha lagt til alteret. **Gunnar Råsvein** må reknast til aristokratiet, og opptrer første gong i kjeldene i 1319 då han saman med sturlungen Jón murti Egilsson⁶³⁶ drog til Island med brev om kongevalet i Noreg.⁶³⁷ Likevel vitnar eit brev frå 1319 om at han må ha vore sendemann frå Noreg til Island før denne reisa.⁶³⁸ Det kan sjå ut til at han framleis var på Island i 1320.⁶³⁹ Først i 1329 møter vi han igjen, då i Bergen, der han opptrer i klårt aristokratiske miljø.⁶⁴⁰ Etter det siste brevet frå dette året, dagsett den 25. november, er han ikkje omtalt i kjeldene.



Figur 21. Seglet til Gunnar Råsvein frå 1329 (*NøSiggV*, nr. 173)

SAK 200: Til presten på Ylmeim.⁶⁴¹

- Merk at i år 1336 gav herr **Audun på Slinde** til kyrkja på Ylmeim 6 mmb i Mælås (Sog 83), helvta til presten. Likeeins 1 ½ mmb i Nes (Sog 11) og ½ mmb i det verpet som heiter «aulra» (sjå kap. 4.35).
- 1 [mmb] i Sigridjord i Nes (Sog 11) som **Ragnhild** gav for sjela til Brynjulv Unge (sjå kap. 4.16).
- 2 ½ mmb 1 spansnsleige [kvar? Nes?] som fru **Ragnhild i Eggja** gav for si eiga sjel, og kyrkja tek helvta (sjå kap. 4.16).
- **Nikolas Silfestsson** gav 2 mmb ½ spansnsbol i Eggja (Sog 29) (sjå sak 52).
- 1 ½ mmb i Langen (Lus 55) som fru **Gyrid på Slinde** gav. Same stad gav fru **Margreta**, dotter hennar, 2 mmb i (sjå kap. 4.35).

SAK 201: Til kyrkja på Ylmeim.⁶⁴²

- Fru **Ragnhild** gav «skettings þridia» i Eggjane (Lei 8) i Hamre kyrkjjesokn til kyrkja på Ylmeim, og presten tek helvta (sjå kap. 4.16).
- 1 ½ mmb i Langen (Lus 55) i Luster som fru **Gyrid på Slinde** gav med meir til prestebolet (sjå kap. 4.35).
- Likeeins gav **Margreta**, dotter hennar, 2 mmb i Langen (Lus 55) i Luster (sjå kap. 4.35).
- **Nikolas Silfestsson** gav 2 mmb ½ spansnsbol i Eggja (Sog 29) (sjå sak 52).
- Herr **Audun på Slinde** gav 3 mmb i Mælås (Sog 83) til prestebolet etter det som er skrive på førre bladet (sjå kap. 4.35).

636. Jón murti Egilsson († 1320) var son av Egill Sölmundarson i Reykholt († 1297), som igjen var ein søsterson av Snorri Sturluson († 1241). Jf. *Íslenskar Ártíðaskerár*, s. 128, og tavle III: Sturlungar.

637. *LA*, s. 345; H. Magerøy 1993, s. 94.

638. *DI* II, nr. 337 og *DI* IX, nr. 4; *RN* III, nr. 1130; jf. P. A. Munch 1862, s. 25–27.

639. *DI* II, nr. 343; *RN* IV, nr. 89.

640. *DN* II, nr. 169, 172, og *DN* III, nr. 153; *RN* IV, nr. 662, 684, 685 og 714. Jf. G. Solberg 1975, s. 130–131.

641. *BKMunch*, s. 36; *BK*, pag. 33a–b.

642. *BKMunch*, s. 36–37; *BK*, pag. 33b–34a.

SAK 202: Til presten i Hafslø.⁶⁴³

- **Sigurd i Kvam** (vel Haf 43/45) skal svara for det mmb som **Brynhild**, kona hans, gav til årtidhald for seg (om desse, sjå kap. 4.13).

SAK 203: Til presten i Jostedal.⁶⁴⁴

- 1 laup i Skagen i Rønnei (Lus 88) som **Josef bonde** gav (sjå kap. 4.27).

SAK 204: Til kyrkja på Saude.⁶⁴⁵

- I Bringe (Lus 42) «sketting þridia» som herr **Audun** kjøpte [til kyrkja] (sjå kap. 4.35).

SAK 205: Til presten på Dale.⁶⁴⁶

- ½ [mmb] i åttungen i Bolstad (Lus 20) som **Peter Erlendsson** kjøpte for 2 kyr (sjå sak 29).
- Tre kyr som fru **Margreta på Søreim** gav i sitt testamente (sjå kap. 4.35).

SAK 206: Til kyrkja på Ornes.⁶⁴⁷

- 1 mmb i Sætre (Haf 58) som **Arne bonde på «røfrostum»** og sønene hans gav i testamente. Ut over dette er ikkje noko kjent om denne Arne, og ettersom tilnamnet bonde også like gjerne vert nytta av stormenn, er det uråd å seia noko om kvar han stod på den sosiale rangstigen. Heller ikkje har det lukkast å identifisera garden «Røfrostum» sikkert.⁶⁴⁸

SAK 207: Til kyrkja i Årdal.⁶⁴⁹

- Sira **Andres Gram** gav 1 mmb i Ve (Ård 9), og 1 mmb i Lægreid (Ård 6) som sira **Halldor** innløyste. Utanom dette har eg ikkje funne noko om desse, og dei er dermed vanskeleg å plassera inn i eit sosialt hierarki ut over det faktum at dei truleg var lokalgeistlege.

SAK 208: Til kyrkja på Hauge [i Lærdal].⁶⁵⁰

- 2 [mmb] i Horge (Bor 14) som **Toralde i «rudi»** kjøpte for lenge sidan («køypti aðra»). Han er truleg også identisk med den «rudi» som kjøpte 1 ½ [mmb] i Horge («horwi») til kyrkja på Rikeim (sjå sak 213). Meir har eg ikkje funne om han, men det kan tenkjast at han er far til Torgeir Rudason som er nemnt nedanfor. Ein Hallvard Rudamåg som opptrer som vitne ved ei overdraging av jord til kyrkja på Rikeim i 1321,⁶⁵¹ er kan henda mågen hans.
- 1 [mmb] i Kvamme (vel Bor 20) som **Pål** (sjå s. 315) og sira Arne kjøpte.
- 2 [mmb] i nedre Æri (Lær 19–20) som **Pål** kjøpte (sjå s. 315).
- 2 [mmb] i Øyri (Lær 31) som **Odd på Øye** gav (sjå kap. 4.8).
- 2 [mmb] i Sanden (Lær 40) som **Odd** kjøpte (sjå kap. 4.8).

643. *BKMunch*, s. 37; *BK*, pag. 34b.

644. *BKMunch*, s. 39; *BK*, pag. 36a.

645. *BKMunch*, s. 39; *BK*, pag. 36b.

646. *BKMunch*, s. 39–40; *BK*, pag. 36b–37a.

647. *BKMunch*, s. 40; *BK*, pag. 37b.

648. Rygh og Kjær 1919, s. 50, identifiserer den med ein gard «Røstenn» som er omtalt i 1603, i Sogndal skippreide (NRA, RK, LR Bergenhus len, pk. 4, legg 2), men om dette er rett er usikkert.

649. *BKMunch*, s. 41; *BK*, pag. 38b.

650. *BKMunch*, s. 42; *BK*, pag. 39a–b.

651. *DN XV*, nr. 7; *BK*, pag. 41b.

- 1 mmb i Hillestad (Bor 15) som **Torgeir Rudason** kjøpte for 4 ½ ku. Han er også sagt å ha kjøpt 1 [mmb] i Brekkegjerdet i Øyri (Lær 31) til kyrkja på Æri (sjå sak 209). Kan henda var han son av Toralde i Rudi som er nemnt ovanfor.

SAK 209: Til kyrkja på Æri [i Lærdal]:⁶⁵²

- 1 [mmb] i Brekkegjerdet i Øyri (Lær 31) som **Torgeir Rudason** kjøpte (sjå sak 208).
- 2 mmb i øvre tunet i Kvigne (Lær 37) som **Torgeir «buggi»** kjøpte. Noko meir om Torgeir har eg ikkje funne.

SAK 210: Til presten på Æri [i Lærdal]:⁶⁵³

- **Ulvhild i Øye** gav ½ mmb i Krangøy (Lær 19–20) (sjå kap. 4.8).

SAK 211: Til kyrkja på Tønjum [i Lærdal]:⁶⁵⁴

- 4 [mmb] i Skåreim (Bor 24) som **Arnfinn «skækia»** gav (sjå kap. 4.18).
- 1 mmb i midtre tunet i Ljøsne (Lær 9–11) som fru **Gunnhild på Rikeim** gav (sjå s. 359).

SAK 212: Til presten på Tønjum [i Lærdal]:⁶⁵⁵

- 3 laup i «hiollum» (vel Ård 12) som herr **Sigvat** gav. Ut over dette er herr Sigvat sagt å ha gjeve 1 mmb i «sigmundar bø» (det er uvisst kvar dette er), samt nok 1 mmb i «hiollum» til presten på Tønjum.

At denne herr Sigvat må ha vore riddar er greitt nok. Men det vert straks vanskelegare når ein skal freista identifisera han. Han kan vera identisk med Sigvat Kolbeinsson som var riddar og lagmann på Orknøyane, og som mellom anna også åtte jord i Lærdal (sjå kap. 4.31 om han). Det andre alternativet er riddaren Sigvat på Leirol i Valdres, som opptre i kjeldene i tida 1295–1319.⁶⁵⁶ Det nære sambandet mellom Valdres og Indre Sogn gjer at dette er like sannsynleg som Sigvat Kolbeinsson.

- 1 mmb i Dvergadalen (vel Sog 5)⁶⁵⁷ som **Holmfrid** gav. Noko meir om Holmfrid har eg ikkje funne. Namnet er sjeldsynt i Noreg,⁶⁵⁸ og den einaste Holmfrid som opptre i kjeldene på omlag same tid er ei Holmfrid Erlingsdotter som må reknast til aristokratiet, ettersom ho i 1328 er mor til ei fru Margreta.⁶⁵⁹ Det må likevel ha eksistert fleire med dette namnet i Noreg på same tid, og det finnest ikkje haldepunkt som kan underbyggja ei eventuell samidentifisering.⁶⁶⁰
- 1 mmb i Horge (Bor 14) som **Ragnhild Hermundskone** gav. Heller ikkje ho har det vore mogleg å identifisera nærare. Eigedom i Horge kan likevel tyda på eit samband med Toralde i «rudi» ovanfor (sjå sak 208).

652. BK, pag.40a.

653. BK, pag. 40b.

654. BK, pag. 40b.

655. BK, pag. 41a.


656. P. A. Munch 1859, s. 230, 289, 517, 521 og 624, og P. A. Munch 1862, s. 11. Jf. Frøholm 1972, s. 63 og 66. Det er lite ein eigentlig veit om Sigvat på Leirol.

657. Jf. Øye 1986, s. 308.

658. E. H. Lind 1905–1915, sp. 558–559.

659. DN II, nr. 165; RN IV, nr. 611.

660. Holmfrid Erlingsdotter er ofte rekna som dotter av stormannen Erling Åmundeson i Hildugard, som tilsynelatande også må ha ått jord i Sogn. Men eg er skeptisk til at dette kan vera rett. Vedrørande dette, sjå kap. 4.25, om Hildugard-ætta.



Figur 22. Seglet til Tora Viljalmsdotter i 1336 (NoSigV, nr. 319)

• ½ [mmb] i Aspikane (Lær 43) som fru **Tora** gav. Ho er rimelegvis den same som den Tora som gjev ½ [mmb] i Spangarlo (Bor 2)⁶⁶¹ til presten på Rikeim (sjå sak 214).

Fruetittelen identifiserer henne som del av aristokratiet. Ho er kan henda identisk med fru Tora Viljalmsdotter som er nemnt første gong i 1332, då ho etter alt å døma er enkje etter herr Sigurd Jatgeirsson Lande,⁶⁶² og andre (og siste) gong i 1336 då ho er til stades på noko som knapt kan kallast noko anna enn eit familiemøte i Hestbø-ætta på Hestbø i Ryfylke.⁶⁶³ Frå dette brevet kjenner vi dessutan dei to eldste kvinneseгла i Noreg, der det eine tilhøyrer Tora Viljalmsdotter.⁶⁶⁴

SAK 213: Til kyrkja på Rikeim [i Lærdal]:⁶⁶⁵

- 1 ½ [mmb] i Horge («horwi») (Bor 14) som «**rudi**» kjøpte (sjå sak 208).
- 1 månadsmatleige i Kvamme under «øyra børghi» (vel Bor 3/20) som **Halldor på Rikeim** kjøpte (sjå s. 111).
- 1 mmb i Rikeim (Lær 8) som **Halldor** kjøpte (sjå s. 111).
- ½ mmb i øvre tunet i Kvigne (Lær 37) som **Bjørn i Kvamme** kjøpte. Dette er tvillaust same mann som den Bjørn i Kvamme som opptrer som vitne ved ei anna overdraging av jord til kyrkja på Rikeim i 1321.⁶⁶⁶ Han er då nemnt framfor Sigmund i Åsgard og Hallvard Rudamåg, og ut frå det kan ein rekna han til den lokale eliten.
- 1 ½ [mmb] i Raneim i Valdres som fru **Gunnhild** gav (sjå s. 359).

SAK 214: Til presten på Rikeim [i Lærdal]:⁶⁶⁷

- ½ [mmb] Spangarlo (Bor 2) som **Tora** gav (sjå sak 212).

661. Jf. Rygh og Kjær 1919, s. 75; Laberg 1938, s. 743.

662. DN IV, nr. 199; RN IV, nr. 900–901. Jf. Løberg 2000a, s. 168, note 32. P. A. Munch 1862, s. 404, hevdar at ho er ein av arvingane etter Sigurd Jatgeirsson, men ho er berre nemnt som tilstadeverande, ikkje som arving (namnet på arvingane er skrivne i nominativ, namnet Tora Viljalmsdotter er skrivne i dativ). Truleg har ho vore til stades i eigenskap av å vera enkja etter Sigurd.

663. DN IV, nr. 227; RN IV, nr. 1209. Løberg 2000a, s. 168, note 32, meiner ho kan ha vore gift med anten Ivar Rova eller Finn Ogmundsson, noko som verkar sannsynleg. Finn Ogmundsson åtte dessutan jord i Sogn. Sjå kap. 4.22 om denne ætta.

664. Det andre tilhøyrer Ragnhild Jonsdotter, og er av ein eller annan grunn ikkje trykt i NoSigV, trass i at ei teikning av det finnest i Huitfeldt-Kaas sitt bakgrunnsmateriale som inneheld teikningane som er publiserte der, og som i dag er på NRA, KA.

665. BK, pag. 41b–42a.

666. DN XV, nr. 7; BK, pag. 41b.

667. BK, pag. 42a.

SAK 215: Til presten på Kaupanger:⁶⁶⁸

- 1 mmb som **Jartrud, dotterdotter til Kolla**, gav. Det er ikkje sagt kvar dette jordegodset låg. Noko som kan identifisera henne sikkert har eg ikkje funne, men ho kan tenkjast å vera identisk med den Jartrud som var gift med Øystein Mugga (sjå kap. 4.13).
- **Arnild** gav 1 månadsmatleige i Sæbø (Lær 34) i Erdalen. Eg har ikkje funne meir som kan hjelpa å identifisera henne nærare.⁶⁶⁹

SAK 216: Til kyrkja på Hamre [i Leikanger]:⁶⁷⁰

- 3 mmb i «Rudzase» som **Grim Ormsteinsson** gav i rekning, og som sira **Ogmund** var skuldig til kyrkja. Sira Ogmund kan vera identisk med den sira Ogmund i Kaupanger som opptre i eit brev frå 1308–1310, der også ein Grim er nemnt som stefar til Narve og Øyvind Arnfinnssøner, og dermed som ektemann til Gyda på Foss i Sogndal.⁶⁷¹ Kor vidt denne Grim er same mann som Grim Ormsteinsson, er likevel uvisst. I 1322–1323 er det nemnt ein sira Ormstein som er prest på Njøs [i Leikanger],⁶⁷² som kan tenkjast å vera son (eller far) til Grim Ormsteinsson.

SAK 217: Til kyrkja i Fresvik [i Leikanger]:⁶⁷³

- 1 ½ mmb i Bøtun (Lei 40) som **Gudleik** gav. Eg har ikkje funne noko som kan identifisera han nærare.

SAK 218: Til kyrkja på Flete i Arnafjord:⁶⁷⁴

- 1 mmb i «hirti» (kan henda Vst 19–20 Hyrt) som **Einar Bork** gav, medan ein **Ivar Bork** er sagt å ha gjeve 1 mmb i «hirti» til presten same stad.⁶⁷⁵ Kvar denne garden låg er uvisst, men kan henda er det tale om garden Hyrt (Vst 19–20) på Vossestrand, der ein liten part i nytid låg til Vinje kyrkje på Voss. Det er til dømes ikkje urimeleg å tenkja seg at det har føregått eit makeskifte mellom Flete kyrkje og Vinje kyrkje. Om det er tale om to brør eller slektingar, eller om det er snakk om feilskrivning ved eitt av høva, er uråd å avgjera etter som det ikkje finnest fleire kjelder der desse to er omtalte.

SAK 219: Til presten i Sund:⁶⁷⁶

- 5 mmb i Dommedal (Sund 46). Og dette same var før 14 mmb som **Botolv** og **Erling på Skoge** løyste inn for pengar med biskopens samtykke, for kyrkjas oppsetjing. Det har ikkje vore mogleg å identifisera desse to nærare.

668. *BK*, pag. 43a–b.

669. Namnet er svært sjeldsynt, og Lind har berre dette tilfellet frå norsk mellomalder, samt ein mogleg feilskriven førekomst i biskop Øysteins jordebok. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 46–47.

670. *BKMunch*, s. 48; *BK*, pag. 45b.

671. *DN IX*, nr. 80; *RN III*, nr. 657.

672. *DN VII*, nr. 98; *BKMunch*, s. 88–89; *RN IV*, nr. 254.

673. *BKMunch*, s. 49; *BK*, pag. 46a.

674. *BK*, pag. 48a.

675. *BK*, pag. 48a–b.

676. *BK*, pag. 50a.

SAK 220: Til kyrkja på Sæbø [i Manger]:⁶⁷⁷

- Helvta i indre garden (truleg Man 87–88 Sæbø) til lysing for **Botolvs** skriftemål. Eg har ikkje funne noko som kan identifisera han nærare.
- 3 mmb i Marås (Man 63) som **Torkjell bonde** kjøpte for 12 kyr. Heller ikkje Torkjell har det lukkast å finna meir om.

SAK 221: Til kyrkja på Manger [i Manger]:⁶⁷⁸

- **Audun på Tveiten** gav fjerdeparten [i garden, vel då Tveiten (Man 39–40)] og heile «varskoghe», både lauvskog og barskog, og han og hans arvingar etter han skal frelseleg ha alle tuftene og heile garden på Tveiten. Meir har eg ikkje funne om Audun, og det er dermed uråd å identifisera han sosialt

SAK 222: Til presten i Eivindvik:⁶⁷⁹

- ½ mmb som **A[r]nolv** gav. Det er ikkje sagt noko om kvar dette jordegodset låg. Namnet Arnolv er svært sjeldsynt på Vestlandet i 1300-åra, og den mest aktuelle kandidaten til ein eventuell identifikasjon, må vera bergensrådmannen Arnolv Hallvardsson, som opptrer i nokre brev mellom 1332 og 1337.⁶⁸⁰ Noko sikkert kan likevel ikkje seiast om dette, og donatoren Arnolv forblir ukjend.

SAK 223: Til kyrkja på Seim i Lygra sokn:⁶⁸¹

- Kyrkja eig 4 ½ kyrlag «j s». **Eiliv på Åse** gav ½ mmb i Kleivdal (Alv 95) til æveleg opphald for kyrkja. Heller ikkje Eiliv har eg klart å identifisera nærare.

SAK 224: Til presten på Hosanger:⁶⁸²

- 1 spann mindre enn 2 laup i Vikå (Hos 44) som **Åmunde bonde** gav i sitt testamente. Sjå dessutan neste sak der han gjev 2 mmb i same garden til kyrkja på Hosanger. Noko meir har eg ikkje funne om Åmunde bonde. Det kan tenkjast eit slektskap til Amund Ivarsson som i 1382 gjev noko gods i Rommareim til Munkeliv kloster (sjå sak 98).

SAK 225: Til kyrkja på Hosanger:⁶⁸³

- 2 mmb i Vikå (Hos 44) som **Åmunde bonde** gav i testamentet sitt. Sjå førre sak.

SAK 226: Til kyrkja på Fusa:⁶⁸⁴

- 1 mmb i Opsal (Fusa 34) som **Torstein bonde på Opsal** gav. Heller ikkje Torstein har det lukkast å identifisera.

677. *BKMunch*, s. 55; *BK*, pag. 52a.

678. *BKMunch*, s. 55; *BK*, pag. 52b.

679. *BKMunch*, s. 56; *BK*, pag. 53b.

680. *DN V*, nr. 92 (1332); *DN II*, nr. 215 (1336) og 223 (1337). Jf. G. Solberg 1975, s. 135–136.

681. *BKMunch*, s. 58; *BK*, pag. 57a.

682. *BK*, pag. 59a.

683. *BK*, pag. 59a.

684. *BK*, pag. 65b.

SAK 227: Til ei kyrkje, truleg Oppeim på Vossestrand:⁶⁸⁵

- **Arne Pålsson** gav ½ mmb, utan at det er sagt kvar dette jordegodset låg. Ettersom namnekombinasjonen ser ut til å vera uvanleg i første halvdel av 1300-åra, er det ikkje usannsynleg at dette er den same som den Arne Pålsson som noko før 6. desember 1303 er mellom utferdarane av eit vitnebrev på Voss.⁶⁸⁶ Ut frå det ein veit om dei namngjevne donatorane i *BK*, ser dei fleste ut til å ha vore i live mellom 1270 og 1350. Dersom dette er rett må han i det minste rek-nast til den lokale eliten, ettersom han sigillerer framfor til dømes Orm Kavle (sjå s. 225), som før-er våpenmerke i seglet sitt på same tid (fig. 38 på s. 225).

SAK 228: Til kyrkja på Vangen [på Voss]:⁶⁸⁷

- Desse etterskrivne jordene gav brørne **Gudbrand** og **Orm på Finne** (sjå s. 215) til kyrkja på Vangen for skulda til far deira. Først i 1 mmb i Lunde (Voss 244) for 4 kyr, 1 mmb i Saue (Voss 64) for 10 laup, ½ mmb i Grevle (Voss 57) for 2 kyr, 1 mmb i Fenno (Voss 166–167) for 4 kyr, 1 mmb og 1 pundsbol i Ukvitno (Voss 81–82) for 16 laup, 2 mmb i Oppeim (Ulv 55) i Ulvik sokn for 12 kyr som sira Gudleik selde med samtykke frå biskopen, 1 mmb i Valland (Vikøy 33) for 5 kyr. Til saman 107 laup.
- Likeeins gav arvingane til **Svein på Kvitheim** (=Dukstad) (sjå s. 226) til kyrkja 2 mmb i Ukvitno (vel Voss 81–82) for 8 kyrlag, og ½ mmb i Staup (Voss 65) for 2 kyrlag.

SAK 229: Til kyrkja på Evanger:⁶⁸⁸

- ½ [mmb] Grovo (Voss 127–128) som sira **Erling** (sjå s. 226) gav til kyrkja.

SAK 230: Til presten i Ulvik:⁶⁸⁹

- 1 mmb i Espeland (Gra 99) som herr **Peter** gav til årtidhald for seg (sjå kap. 4.19).

SAK 231: Til kyrkja i Ulvik:⁶⁹⁰

- 1 ½ mmb i ytste tunet i Djønno (Ull 126–128) som herr **Peter Petersson** gav (sjå kap. 4.19).
- 3 mmb i nedre Lekve (Ulv 49–50) som **Bård på Ljono** gav for 54 laup (sjå kap. 4.15).

SAK 232: Til presten i Ullensvang:⁶⁹¹

- 2 mmb i Veluro (Ull 65) som **Torgaut** og **Ragnhild i Aga** gav (sjå kap. 4.11).

SAK 233: Til kyrkja i Øystese:⁶⁹²

- 3 mmb i Tegland (Vikøy 46) som herr **Erling Hilduson** gav (sjå kap. 4.25).

685. *BK*, pag. 89a, jf. innleiinga s. 14.

686. *DN I*, nr. 98; *RN III*, nr. 139.

687. *BK*, pag. 92a.

688. *BK*, pag. 92b.

689. *BK*, pag. 95a.

690. *BK*, pag. 95a.

691. *BKMunch*, s.79; *BK*, pag. 96b.

692. *BK*, pag. 98a.

SAK 234: Til presten i Jondal.⁶⁹³

- ½ mmb i Fjelltveit (forsv., Jon 36?) som **Sigurd av Torsnes** gav (sjå kap. 4.20).

693. *BK*, pag. 99a.

4.4 Audun Huggleiksson

SAK 235: Den 27. september 1281 utferdar **Audun Huggleiksson** eit gåvebrev. Han gjev til Munkeliv kloster i Bergen, til sjelehjelp for far sin, seg sjølv, kona hans **Gyrid**, deira forfedre og etterkomarar, 5 mmb i sin odel («er mith hefuir værith odhall») Unneset (Askv 5) på Stavenes i Sunnfjord.⁶⁹⁴ I eit fullmaktsbrev frå kong Eirik Magnusson i 1295 vert Audun Huggleiksson omtalt som herre til Hegranes (Jøl 73), samt som frende og sekretær hjå kongen («nos Audoenum Huglati dominum de Hegranes carum consanguineum et secretarium nostrum»)⁶⁹⁵.

Unneset i Askvoll og Hegranes i Jølster er såleis dei einaste to gardane vi veit sikkert at **Audun Huggleiksson** åtte på Vestlandet, men at det må ha vore mykje meir enn berre desse viser seinare brev, ikkje minst gåvebrevet frå kongane Magnus Eriksson og Håkon 6. Magnusson til Otte Rømer i 1361.⁶⁹⁶ I samband med dette gåvebrevet kan ein også slutta at han må ha ått i Myklebostad i Eid som Svale Rømer, etter eit brev frå 1435 er sagt å ville gje bort på dødsleiet sitt, men som søster hans, fru Elsebe, motsette seg med tilvising til gåvebrevet (sjå sak 556). Audun Huggleikssons jordegods må såleis ha danna grunnstamma i det seinmellomalderlege Rømergodset på Vestlandet. Utanfor Vestlandet åtte Audun også ein del jord, både på Austlandet og i Trøndelag.⁶⁹⁷



Figur 23. Baronseget til Audun Huggleiksson frå 1295 (*NuSigV*, nr. 1361 (1341b)).

Det vart så seint som i 2002 utgjeve ei bok om Audun, og eg viser til denne for ei meir inngående analyse av mannen og karriera hans.⁶⁹⁸ Om ætta til Audun Huggleiksson veit ein lite, ut over at morfaren hans også heitte Audun,⁶⁹⁹ og at far hans må ha heitt Huggleik. Den einaste Huggleik eg har funne i kjeldene opptrer som vitne ved eit stadfestingsbrev frå biskop Nikolas Arnesson i Oslo,

694. *DN XII*, nr. 5; *RN II*, nr. 284

695. *DN XI*, nr. 4; *RN II*, nr. 781.

696. *DN II*, nr. 365; *RN VI*, nr. 794.

697. *DN II*, nr. 19 og 46.

698. Y. Nedrebø et al. 2002. Av eldre litteratur kan nemnast Storm 1884b og 1886; C. O. Munthe 1932 og 1933; Brynildsrud 1973; A. Johnsen 1981 og 1982; Brække 1983.

699. *DN II*, nr. 19.

dagsett 12. mars 1225,⁷⁰⁰ der han er nemnt mellom Jon skulemeister (geistleg) og Asbjørn Kopp (verdsleg). Sistnemnte er nemnt systemann i Oslosysla saman med Ivar Utvik så tidleg som 1218,⁷⁰¹ og ein skulle då venta at Huggleik stod høgare på rangstigen enn Asbjørn dersom han tilhørte den verdslege eliten. Var Huggleik geistleg har han truleg vore ung, eller i det minste rangert etter Jon skulemeister. Spørsmålet er om denne Huggleik kan vera aktuell som far til Audun Huggleiksson som etter alt å døma var fødd i 1240-åra.⁷⁰² Umogleg er det ikkje, men heller ikkje svært sannsynleg.

700. *DNI*, nr. 7; *RNI*, nr. 514. Datering etter *RN*.

701. *HHVigf*, kap. 47.

702. Y. Nedrebø et al. 2002, s. 22.

4.5 Ætta på Mel og Hatteberg i Kvinnherad

Delar av denne ætta har eg handsama i ein større artikkel i *Norsk slektshistorisk tidsskrift*, og eg viser til den for utdjupande informasjon.⁷⁰³

SAK 236: 12. april 1287: Stadfestingsbrev frå **Gaut [Gautsson] Unge**, baron hjå kong Eirik. Han har skøytt 20 mmb i Haugland (Os 42–43) til Munkeliv kloster, 10 mmb som han har kjøpt av **Ulvhild**, søstera si, og 10 mmb som han sjølv har selt.⁷⁰⁴

Gaut Unge Gautsson er, som det går fram av brevet her, baron, og son til lendmannen Gaut Jons-son på Mel. Han er berre omtalt i live i denne og den påfølgjande saka, og må vera død før 1306 (sjå sak 238). Søstera hans, **Ulvhild [Gautsdotter]**, er berre kjent frå dette brevet. Heile denne slektskrinsen må reknast til det absolutte toppsjiktet innan det norske aristokratiet i siste del av 1200-åra.⁷⁰⁵

SAK 237: 20. januar 1288: Makeskiftebrev frå Jon, abbed i Lyse. Han har makeskifta den øvre garden i Haugland (Os 42–43) på Framnes, som herr **Finn Gautsson** gav til Lyse kloster i provent for sonen herr Jon, til Munkeliv kloster i Bergen, mot det mannsverket i nedre garden som Munkeliv kjøpte av herr **Gaut Unge**.⁷⁰⁶

Finn Gautsson er nemnt første gong i samband med vigslinga av kong Håkon den 29. juli 1247, og er alt då å finna mellom lendmennene.⁷⁰⁷ Kan henda er han også identisk med den Finn som er nemnt Håkon Håkonssons systemann på Orknøyane i 1239.⁷⁰⁸ Ut over dette er han nemnt fleire gonger i 1260- og 1270-åra, og siste gong i dette brevet frå 1288. Om han då framleis var i live er uklårt, men han kan neppe ha vore død lenge før.⁷⁰⁹

SAK 238: 10. april 1306, Bergen: Avtale om provent mellom biskop Arne i Bergen og fru **Katarina Ivarsdotter** på Loglo. Fru Katarina skal ha underhald i bispegarden slik biskopen finn det passande. Dersom ho er borte meir enn eitt år samanhengande, skal ho ha proviant derifrå etter gammal sedvane, men dersom ho er borte i mindre enn eitt år, skal ho ikkje ha proviant. For dette gav ho 20 mmb i Neseim (Gra 107) i Granvin sokn i Hardanger, som ho hadde fått av husbonden sin herr **Gaut Gautsson** med ja-ord og samtykke av herr Finn. I

703. Ugulen 2004b.

704. DN XII, nr. 9; RN II, nr. 467.

705. Jf. Ugulen 2004b, s. 251–252.

706. DN XII, nr. 10; RN II, nr. 480.

707. *Håkonar saga*, kap. 253, s. 141; *HHVigf*, kap. 253, s. 245.

708. *Sturlunga saga* (1946) II, s. 274; *Sturlunga saga* (1954) III, s. 474 (*Arons saga*, kap. 20).

709. Jf. Ugulen 2004b, s. 292–294.

tillegg var denne gåva frå herr Gaut stadfesta med brev frå kong Eirik Magnusson såvel som hertug Håkon. Fru Katarina skal dei neste fem åra ha halve landskylda av Neseim, etter det skal bispestolen ha all landskyld. Dersom herr Gaut Gautssons arvingar løyser inn jorda for mindre enn 14 øyre brent per mmb i engelsk mynt eller smør eller huder i tilhøvet 9 laupar smør eller 10 huder per mark brent, skal ho leggja til det som manglar av sine eignelutar. Dette vart borga for av sira Bjarne Audunsson. Fru Katarinas arving, broren hennar herr Øystein samtykte i heile avtalen.⁷¹⁰

Fru **Katarina Ivarsdotter** på Loglo er enkja etter baronen Gaut Gautsson, og har truleg tilhøyrt ei trøndsk stormannssætt frå Loglo i Leinstrand. Ho er berre kjent frå dette eine brevet.⁷¹¹

SAK 239: 28. august 1324, Bergen: Vitnebrev om forlik frå Guttorm Kolbjørnsson, Aslak Olavsson, Torfinn Sigvaldsson og Bjørn Olavsson, lagmann i Skien. Dei var til stades då fru **Ingegjerd Finnsdotter** og jomfru **Elin Bjarnesdotter** lyste for dei at dei hadde inngått følgjande forlik: Fru Ingegjerd gav frå seg den fjerdingsgåva som herr **Jon [Bjarnesson]** gav henne, til jomfru Elin, medan Elin avstod til henne garden Hovudet [i Bergen]. Ingegjerd vedgjekk også at ho hadde fått all si heimanfølgje av Elin, det som denne hadde i sin bror, herr Jons gard. Ingegjerd skulle også eiga og råda over dei 122 mmb som herr Jon gav henne i følgjande jorder: 30 mmb i Ullensvang (Ull 76), 29 mmb i Neseim (Gra 107), 24 mmb i Eik⁷¹² (Kvi 86) som ligg ved Mel, 12 mmb i Samland (Jon 5) i Hardanger, 10 mmb i Lote (Ull 111), 5 mmb i Vang (Kvi 83), 5 mmb i Kalven (Kvi 114) og 7 mmb i Landa på Njardarlog⁷¹³ (Tys 91). Etter at Ingegjerd er død skal jordegodset falla tilbake til Elin eller hennar arvingar.⁷¹⁴

710. DN II, nr. 82; RN III, nr. 327. Jf. også Ugulen 2004b, s. 257.

711. Ugulen 2004b, s. 257–261.

712. Om identifikasjonen av Eik, sjå Ugulen 2004b, s. 268–269.

713. Sjå Ugulen 2004b, s. 264–266.


714. DN II, nr. 155; RN IV, nr. 298.

Fru **Ingegjerd Finnsdotter** er enkja etter herr **Jon Bjarnesson**, og kjend frå åra 1324–1341. Det har tidlegare vore vanleg å rekna henne for ei dotter av lendmannen Finn Gautsson, men på bakgrunn av jordegodset som i dette brevet eksplisitt vert sagt å ha kome frå mannen hennar, er det Jon Bjarnesson sjølv som må tilhøyra ætta på Mel. Jon Bjarnesson var riddar og fehirde og er kjend frå åra 1319–1323.⁷¹⁵


Jomfru **Elin Bjarnesdotter** er søstera til Jon Bjarnesson og hovudarvingen hans. Ho er berre kjend frå dette eine brevet, men rimelegvis vart ho gift med væpnaren Nikolas Ranesson og vart mor til den fru Kristina Nikolasdotter som er omtalt nedanfor (sjå sak 243).⁷¹⁶

SAK 240: 2. oktober 1383, Bergen: Pantebrev utferda av **Greip Ivarsson**. Han har pantsett til **Erlend Filippusson** (sjå s. 413), fehirde i Bergen, 13 laupsbol og 1 spennsbol i Gjerstad (Voss 24) og 16 laupsbol i øvre Rekve («efra Ryckin») (Voss 15–17) på Voss for skuld. Erlend skal ha jorda i 3 år, og dersom han då ikkje har fått betaling frå Greip, vert han eigar av den. Greip har lova Erlend å få fullt samtykke og godkjenning frå faren, **Ivar Toresson**, slik at Erlend har jorda like frels som Greip.⁷¹⁷

Greip Ivarsson opptretr også i dei to følgjande sakene, forutan at han er nemnt i sak 244. Han er berre kjent frå desse breva, og opptretr såleis i kjeldene mellom 1383 og 1412, men var kan henda død før det siste brevet var utferda. Greip Ivarsson opptretr aldri sjølv med herretittelen, men i 1412 er han omtalt som herr Greip, noko som tyder på at han var riddar. Han var systemann på Færøyane i alle fall frå slutten av 1380-åra.⁷¹⁸ Ein kjenner ikkje noko segl etter korkje Greip eller far hans, **Ivar Toresson**, som forøvrig berre er kjent frå dette eine brevet. Derimot har vi overlevert seglet etter farbror til Greip, gulatingsslagmannen Greip Toresson,⁷¹⁹ og det viser det såkalla Galtung-våpenet.



Figur 24. Seglet til Jon Bjarnesson i 1320 (*NoSigV*, nr. 104)



Figur 25. Seglet til gulatingsslagmannen Greip Toresson fra 1348 (*NoSigV*, nr. 536).

715. Ugulen 2004b, s. 269–274 og 297–298.

716. Ugulen 2004b, s. 279–280.

717. *DN* III, nr. 451; *RN* VII, nr. 1126.


718. Jf. P. A. Munch 1863, s. 254–255; *LA*, s. 415.

719. Om han, sjå P. A. Munch 1862, s. 403.

SAK 241: 1398 februar 8, Aga i Ullensvang: Vitnebrev frå Torgils Hallesson, Odd Torsteinsson og Brynjulv Steinrodsson. Dei var til stades då **Greip Ivarsson** selde ½ spansbol mindre enn 5 mmb i Sæbø (Eidfj 8) i Lægreid kyrkjesokn i Hardanger til **Olav Erlingsson**, for 17 kyrlag, og vedgjekk å ha fått full betaling. I tillegg gav Greip til Olav plass til eit saltkokeri mellom «Bwþveituteigs» (Ull 130–131?) og «Burststeigs» i Kinsarvik kyrkjesokn for den høviskheit han hadde vist Greip og sveinane hans.⁷²⁰

Olav Erlingsson har det ikkje vore mogleg å identifisera nærare.

SAK 242: 12. mai 1399, Skien: Erklæring frå **Greip Ivarsson**. Han har kjøpt frå sin frende herr **Gaute Eiriksson** eit skip som han skal sigla til Færøyane med, for 200 mark, to huder for kvar mark, og 24 pakkar færøysk vadmål. Han skal betala skulda når det første skipet kjem frå Færøyane med godset hans. Til sikring pantset han til herr Gaute Eiriksson 4 mannsverk i Hatteberg (Kvi 87) i Skåla kyrkjesokn i Sunnhordland, og 3 mannsverk og 7 ½ mmb i Hauso (Ull 98) i Kinsarvik sokn i Hardanger. Likeeins gjev han til herr Gaute alle dei rettane han har som odelsmann til Aga (Ull 64) og Jåstad (Ull 66–67) i Ullensvang sokn i Hardanger, og til Kjærland (Kvi 124) i Skåla kyrkjesokn. Inntil pengane er betalte skal herr Gaute Eiriksson og hans arvingar eiga dette godset til odel og odelsløysing. Likeeins skal han følgja at det godset som Greip Ivarsson eig på Færøyane, og alt det som han kan få tak i på Hjalmland, inntil arvingane hans løyser det inn med 200 mark og 24 pakkar vadmål.⁷²¹



Figur 26. Seglet til Gaute Eiriksson i åra 1387–1389 (*NoSigV*, nr. 1089, jf. nr. 838, 946 og 1308)

Gaute Eiriksson var riddar og riksråd, og er nemnt første gong i 1366 då han var systemann i Oslosysla, og i 1380-åra var han fehirde og truleg også systemann i Tunsberg. Seinare hadde han Skienssysla fram til han døydde i 1412/1413. Riddarslaget fekk han på Kalmarmøtet i 1397. Jordegods åtte han fleire stader på Austlandet og i Sverige, forutan i Hardanger og Sunnhordland.⁷²²

SAK 243: [27. februar 1400], [Bergen]: Kunngjering frå **Kristina Nikolasdotter**. Ho tek atterhald om retten til å selja dei gardane ho etter det vedfesta brevet har pantsett til **Hermann van Minden**.⁷²³

Sjølve pantebrevet er utferda i Bergen den 27. februar 1400 av **Kristina Nikolasdotter**, som før var herr Jøns Hjernes hustru. Ho vedgår å vera skuldig til kjøpmannen **Hermann van**

720. DN VIII, nr. 225; RN VIII, nr. 611.


721. DN II, nr. 559; RN VIII, nr. 743.

722. Opsahl 2001.

723. DN XXI, nr. 213; RN VIII, nr. 812.

Minden i Bergen 90 svenske mark og 5 øre i den skulda som ho var skuldig Gerwen van Alen. Ho lovar å betala innan påske neste år, og til sikring pantset ho følgjande av sine jorder: 30 mmb i Neseim (Gra 107) som gjev 5 laupar og ligg i Granvin kyrkjesokn i Hardanger, 24 mmb i Eik (Kvi 86) som gjev 5 laupar, 10 laupsbol i Vang (Kvi 83) i Bjørke kyrkjesokn i Kvinnherad.⁷²⁴

Tablle 1. Slektene på Mel og Hatteberg (utdrag). Dei som er partar i sakene ovanfor, er utheva.



Fru **Kristina Nikolasdatter** er nemnt første gong i 1379, og siste gong i denne saka frå 1400. Ho er død før 1419, truleg ei god stund før. Ho har rimelegvis vore arvingen etter Elin Bjarnesdatter, og truleg var ho dotter hennar. Fru Kristina var gift med den smålandske riddaren Jöns Erengisleson Hjerne, nemnt i tida 1348–1376, og død seinast 1379. Han var både svensk og norsk riksråd.⁷²⁵


724. DNI nr. 570; RN VIII, nr. 811.

725. Ugulen 2004b, s. 274–285. Jf. Gillingstam 1952, s. 49, note 255; L.-O. Larsson 1964, s. 404–413; Gillingstam 1971. Seglet til fru Kristina Nikolasdatter er attgjeve i fotografi i Ugulen 2004b, s. 277, fig. 11, saman med ei teikning av våpenet til den sannsynlege far hennar, Nikolas Ranesson.

Hermann van Minden er kan henda identisk med den Hermann van Minden som i 1379 er nemnt mellom *provisores* (testamenteksekutorane) i testamentet til bergensfararen Heinrich van Minden. Hermann er nemnt som *avunculus* (tyder oftast onkel, men også søskenbarn) til Heinrich.⁷²⁶ Hermann van Minden må reknast som bymann.

SAK 244: 11. januar 1412, Hatteberg i Kvinnherad: Vitnebrev frå Tore Tolvsson, prest ved Bjørke kyrkje i Kvinnherad i Sunnhordland, Eindride Eiriksson, lagrettemann i Kvinnherad, og Tord Vebrandsson. Dei var til stades då hustru **Elin Ivarsdotter**, samboren søster til herr Greip Ivarsson, handtokst med **Svale Jonsson** og hustru **Sigrid Gunnarsdotter**, og samtykte i og stadfesta den gåva på Hatteberg (Kvi 87) i Kvinnherad som herr **Gaute Eiriksson** gav til si og hennar frenke, hustru Sigrid.⁷²⁷

Hustru **Elin Ivarsdotter** er berre kjent frå dette eine brevet, og ein veit heller ikkje kven ho var gift med, ut over at han må ha vore væpnar på bakgrunn av hustrutittelen hennar.



Figur 27. Seglet til Svale Jonsson frå 1415 (DN I, nr. 646). Teikning i NRA, KA.

Svale Jonsson var væpnar og riksråd og er nemnt i perioden 1397–1434. Kona hans, hustru **Sigrid Gunnarsdotter**, er berre kjent frå dette eine brevet i 1412, og ho var dotter av væpnaren Gunnar Kane Toraldesson og Gyrid Eiriksdotter, søster til Gaute Eiriksson. Dei var foreldre til Jon Svalesson Smør, nemnt frå 1458 og frametter, og som var riddar og riksråd, og riksforsandar i Noreg i åra 1482–1483.⁷²⁸

726. Bruns, *Die lübecker Bergenfabrer*, s. 26, nr. 33. Ein regest av brevet er trykt i RN VII, nr. 798.

727. DN VI, nr. 380.

728. Leistad 1985a; Opsahl 2002b.

4.6 Magnhild Hallkjellsdotter og slektskrinsen hennar

SAK 245: 6. februar 1288: Salsbrev frå **Magnhild Hallkjellsdotter**. Ho har selt til Munkeliv kloster 10 mmb i Seim (Vik 3) i Sogn, mot 45 merker i norsk sølv. Etter 5 vintrar skal ho eller hennar arvingar kunne innløysa jorda for same sum. Ho sigillerer med «incigle Olafs mins». ⁷²⁹

I 1290 utferdar **Magnhild Hallkjellsdotter** nok eit salsbrev, der ho vedgår å ha selt garden sin Seim (Vik 3) i Vik i Sogn til Munkeliv kloster, i alt 14 mmb mot 12 øre brent per mmb. Etter fem vintrar skal ho eller arvingane hennar kunna løysa inn at jorda mot same sum. Vitner var herr Aslak, mågen hennar, herr Viljalm, og fru Brynhild, dotter hennar. ⁷³⁰

Magnhild Hallkjellsdotter var etter alt å døma enkje etter stallaren Olav Ragnridsson († 1299), og dotter av baronen Hallkjell Krøkedans. Vitna frå brevet i 1290 er av P. A. Munch identifisert som Aslak Ragnvaldsson, som var gift med Brynhild Olavsdotter, samt stormannen Viljalm i Torget. ⁷³¹

729. DN XII, nr. 11; RN II, nr. 481.

730. DN XII, nr. 13; RN II, nr. 622.

731. P. A. Munch 1859, s. 329. Sjå også kortbiografiar i K. Helle 1972, s. 581 (Hallkjell Krøkedans) og 592 (Olav Ragnridsson).

4.7 Voss: Rogne, Finne og meire til

I nokre av desse breva, særskilt i starten, er det involverte så mange forskjellige personar at eg ser det som mest fornuftig å argumentera for identifikasjonen av ein del av dei i fotnotar. For å letta arbeidet med å skilja ut fotnotane som inneheld identifikasjonar har eg utheva namna på personane i notane også.

SAK 246: I Bergen, ein gong mellom 2. og 8. mars 1292, utferdar Sigurd lagmann eit domsbrev: Brørne **Odd på Rogne** og **Hollrod på Ringeim** hadde saman med **Einar Pinnung** oppsøkt lagmannen for å få avgjort odelssøksmålet på garden Byrkjo (Voss 29). Dei to brørne vert tildømt garden, og Einar må dermed lata den frå seg.⁷³²

Hausten 1302, eller noko før, utferdar Arne i Grasgarden, Jon notar Torsteinsson og Orm Kavle eit vitnebrev: Dei var til stades då Garde på Vinje og Styrkår vitna under eid at dei var til stades i Aga då **Einar Pinnung** («pinningr»), **Odd på Rogne** og **Hollrod på Ringeim** tok kvarandre i hendene, og herr Sigurd lagmann avgjorde at Odd og Hollrod skulle ha og eiga frelst 11 mmb i Byrkjo, og at Einar skulle ta i mot betalinga. Vidare vitna Bjarne klokkar, Erlend Gjomann og Svein Matsson for Hollrod, mågen hans Andres [Pålsson] og Halle på Rogne, at dei var til stades i prestestova på Vangen då sira **Peter**⁷³³ og Einar Pinnung tok kvarandre i hendene på at sira Peter, på vegne av **Margreta Askatinskone**,⁷³⁴ selde Einar 12 mmb i Tøn (Voss 100–101), og Einar gav sira Peter betalinga for Byrkjo, som Hallesønene⁷³⁵ hadde lagt i Vangskyrkja. For Einar vitna Sigurd Snjalle, Sigurd Skjalg, Askjell Sakesvein og Torbjørn på Kvåle at dei var til stades på Vangen i Halldors stove då Hallesønene betalte Einar 12 mmb i Tøn for dei 11 i Byrkjo, som han åtte. Dei lag også til at sira Peter borga at Einar skulle ha dette frelst for **Odd Kægda**,⁷³⁶ som gjorde krav på 4 mmb i Tøn.⁷³⁷

732. DN II, nr. 32; RN II, nr. 666, feildatert i DN. Domen vert stadfesta i brev frå kong Eirik Magnusson dagsett 11. mars 1292 (feildatert til 3. mars 1293 i DN), sjå DN II, nr. 33; RN II, nr. 667.

733. **Sira Peter** må reknast til dei lokalgeistlege, ettersom det er vanskeleg å identifisera han nærare ut over at han var prest på Voss. Rimelegvis har han vore kannik i Bergen også, då Voss var rekna for eit svært rikt prestekall (Gunnæs 1982, s. 38, kallar det jamvel bispedømetts «betydeligste kall»), men ettersom det ikkje finnest prov på dette, er det sikrast å rekna han berre som lokalgeistleg.

734. **Margreta Askatinskone** er berre nemnt i dette brevet. Namnet Askatin er likevel svært sjeldsynt i Noreg i mellomalderen, og E. H. Lind (1905–1915, sp. 73) kjenner berre to personar frå norsk mellomalder med dette namnet. Den eine var abbed i Hovedøya i 1223, medan den andre var kongens kanslar og biskop i Bergen frå 1270 til han døydd i 1277 (jf. Kolsrud 1913, s. 221). Det kan vel tenkjast at Margreta var «kona» til biskopen, men særskilt sannsynleg er det ikkje.

735. **Hallesønene** her kan neppe vera dei same som dei Hallesønene vi møter i seinare kjelder, og som var sønene til Halle Oddsson på Rogne. Rimelegvis er det her tale om Odd på Rogne og Hollrod på Ringheim, som dermed truleg var søner av ein Halle.

736. **Odd Kægda** er også vanskeleg å identifisera nærare. Tilnamnet hans tyder truleg høygaffel (E. H. Lind 1920–1921, sp. 193; *Norron ordbok*, s. 236). Ut over desse breva der han vert sagt å gjera krav på 4 mmb i Tøn er han ikkje nemnt.

Ein gong før 6. desember 1303 kunngjer Arne i Grasgard, Jon notarius, Peter på Finne, Erlend Unge, Arne Pålsson, Bjørn Buksson, Narve på Bryn og Orm Kavle at Sigurd Skjalg og Hallvard Sigvaldsson vedgjekk for dei at dei var til stades førre vår i det øvste sjøhuset i Bugarden då **Einar Pinnung** lova **Askjell Sakesvein**,⁷³⁸ **Torbjørn på Kvåle**,⁷³⁹ **Sigurd Snjalle**⁷⁴⁰ og **Sigurd Skjalg**⁷⁴¹ kvart sitt mmb i Kyte (Voss 103–104) og ein tredel av all landskyld om dei ville hjelpa han i saka om Byrkjo og bera vitnemål mot Andres og Hallesønene.⁷⁴²

Den 6. desember 1303 vitnar så Hauk [Erlendsson] lagmann og Ivar lagmann i Bergen følgjande: I kongsgarden i Bergen tok **Andres Pålsson på Ringeim** og **Halle på Rogne** på den eine sida, og hustru **Solveig i Bugarden** («Soluæig husprœya») på den andre, kvarandre i hendene, og kunngjorde at Solveig gav opp sitt krav på 11 mmb i Byrkjo på Voss. Til gjengjeld lova Andres og Halle å støtta hennar krav mot arvingane etter sira **Peter** (sjå note 733) dersom ho hadde nokon rett til dei 4 mmb i Tøn, som det vert sagt at han borga for at **Einar Pinnung** skulle ha frelst for **Odd Kægda** (sjå note 736). Solveig vedgjekk også at ho hadde betalt **Askjell Sakesvein** (sjå note 738) og **Sigurd Skjalg** (sjå note 741) for det vitnemålet dei avla for Nikolas lagmann i saka om Byrkjo.⁷⁴³

Ein gong etter 6. desember 1303, truleg på Voss, vitnar så Solve, prest på Vangen, og Peter bonde på Finne til kongens råd i Bergen i saka om Byrkjo: På stemnet hadde Håkon nekta å høyra på Halle på Rognes svar på dei klagemåla Håkon hadde retta mot han. Halle førte då vitne som hadde sett at **Einar Pinnung** mottok pengar for Byrkjo på vegne av **Odd bonde på Rogne** og brørne hans, på det villkår at dei skulle eiga Byrkjo fritt for han. Då Håkon vart

737. DN I nr. 100, datering etter RN III, nr. 64.

738. **Askjell Sakesvein** er ut over dette berre kjent som domsmann eller vitne frå nokre notisar på vokstavler vedrørende ei odelssak om garden Velken i Granvin i Hardanger. Vokstavlene er daterte til kring 1300 (DN XIII, nr. 2; RN II, nr. 1072. Vokstavlene vart funne i Hopperstad kyrkje i Vik i Sogn, og er publiserte i Huitfeldt-Kaas 1886.). Tilnamnet hans, sakesvein (norr. *sakasveinn*), tyder etter Finn Hødnebo og E. H. Lind at han har vore ein slags prosessfullmektig, eller ein som har mange søksmål (E. H. Lind 1920–1921, sp. 302; Fritzner IV, s. 296). Lovkunnig må han nok ha vore ut frå eit slikt tilnamn, og kan henda indikerer dette at han har tilhøyrt den lokale eliten, men det er vanskeleg å avgjera sikkert.

739. **Torbjørn på Kvåle** har eg ikkje funne meir om. G. Munthe 1835a, s. 620, note 1, reknar Svein på Kvåle og Eindride Stubb, som begge er nemnte i 1341, som søner av Torbjørn på Kvåle (jf. dessutan sak 285).

740. **Sigurd Snjalle** har eg heller ikkje funne meir om.

741. **Sigurd Skjalg** er rimelegvis identisk med den Sigurd Skjalgsson som er nemnt som vitne saman med mange andre gode menn i eit brev utferda på Røynestrand i Granvin i 1314 (DN XXI, nr. 13; RN III, nr. 884). Det opptrer fleire menn frå Voss i dette brevet.

742. DN I nr. 98, datering etter RN III, nr. 139.

743. DN I nr. 97, brev dagsett Bergen 6. desember 1303; jf. RN III, nr. 140. Forliket vert stadfesta i kongebrev DN I nr. 103, jf. RN III, nr. 141.

stemna på nytt møte han ikkje. Jørund på Rekve og Erlend på Grjotland vitna at dei var til stades då Håkons mor **Solveig** tilsto at ho hadde betalt **Aslak Stump**⁷⁴⁴ og **Askjell Sakesvein** (sjå note 738) for vitnemål om Byrkjo.⁷⁴⁵

Odd på Rogne og **Hollrod på Ringeim** er det ikkje stort meir å seia om, ut over det som står i breva her. Hollrod opptre siste gong i skiftet etter Halle på Rogne i 1315 (sjå sak 253). Heile denne slekta må reknast til aristokratiet, både på bakgrunn av våpenmerke, jordegods og seinare generasjonars bruk av hustrutittel.

Andres Pålsson på Ringeim (Voss 50–53) er, etter det eg har funne, nemnt som part i to jordegodstransaksjonar. Ved sidan av saka om Byrkjo, utferdar han kring 1300 (datering etter *DN* og *RN*) eit fullmaktsbrev for Arne Jørundsson til å selja dei 2 mmba i Saue (Voss 64) som husfru **Hildegunn**⁷⁴⁶ hadde pantsatt til han.⁷⁴⁷ Ut over dette er Andres nemnt i fleire brev. Han er sannsynlegvis den Andres som omlag 1302 er nemnt som måg til Hollrod på Ringeim, bror til Odd på Rogne, noko som åleine fører han inn i det lokale aristokratiet på Voss og Vestlandet. Gerhard Munthe meinte at Andres var gift med **Ingebjørg**, dotter til Odd på Rogne,⁷⁴⁸ noko som er ei rimeleg gissing all den tid han i 1303 opptre som part saman med Halle Oddsson på Rogne i saka om Byrkjo. Etter kva eg kan sjå er det like nærliggjande å datera det første brevet til nærare 1320, enn til kring 1300, ettersom Andres Pålsson er nemnt i live så seint som 1317, og Arne Jørundsson først er kjend frå 1327 og frametter (sjå s. 220). I 1311 utferdar Andres Pålsson, saman med Erling Atleson, eit vitnebrev om forlik på Eggja i Systrond i Sogn.⁷⁴⁹ Siste gong eg kan sjå han nemnt i kjeldene er 31. mars 1317, då han er til stades på Dale i Bruvik og utferdar eit vitnebrev om skifte.⁷⁵⁰ Seglet til Andres Pålsson inneheldt eit våpenmerke, men det er no truleg tapt.⁷⁵¹ Sosialt tilhøyrer han i det minste eit lokalt elitesjikt. Det at han åleine står som utferdar av eit skiftetbrev i 1317, kan

744. **Aslak Stump** har eg ikkje funne meir om.

745. *DN* II, nr. 71; *RN* III, nr. 142.

746. Husfru **Hildegunn** har eg ikkje funne meir om, og det er vanskeleg å seia om husfrue-tittelen her skal tolkast som ein adelsindikator. Ut over dette er namnet svært sjeldsynt, og det opptre berre ei anna Hildegunn i norske kjelder før 1500-talet (E. H. Lind 1905–1915, sp. 543). Det er ei Hildegunn Arnvidsdotter i Hardanger (*DN* XV, nr. 9; *RN* IV, nr. 316). Om dette er tale om same person er likevel uråd å seia.

747. *DN* II, nr. 61; *RN* II, nr. 1058.

748. G. Munthe 1835a, s. 620, note 5, og tavle s. 626. Jf. Y. Nielsen 1880b, s. 22–23; Kindem 1935, s. 287–288.

749. *DN* III, nr. 94; *RN* III, nr. 707.

750. *DN* I, nr. 149; *RN* III, nr. 1016.

751. Kindem 1935, s. 288, skriv at skjoldmerket til Andres Pålsson var ein skråbjelke med ei femodda stjerne på endane. Dette er ei feillesing av G. Munthe 1835a, s. 620, note 2, som fortel at skjoldmerket hans var «en høire Skraabjelke, belagt ved Enderne med en femoddet Stjerne og paa Midten af en Ibskal». Seglet er ikkje å finna i *NoSigV*.

likevel tyda på at han har hatt kongeleg ombod. Kan henda var han jamvel systemann på Voss, etter-
som ein av hovudfunksjonane til systemennene var nettopp å stå for den lokale rettspleia.⁷⁵²

For oversynets del er det nyttig med ei tavle som viser slektsamanhengen mellom folket på Rogne.

Tavle 2. Slekta på Rogne.

Odd [Halleson] på Rogne n. 1292–1303, † seinast 1302		Hollrod [Halleson] på Ringheim n. 1292–1315		
Halle på Rogne n. 1302– † før 16. april 1315 1~ ukjent kvinne 2~ Gudrid Audfinnsdotter, n. 1315–1334 (ho 2~ Tore Sigurdsson, n. 1317, og 3~ Orm Petersson på Finne, n. 1324–1326)		Odd Oddsson på Rote og Gjerdåker, n. 1315–1333	Ingebjørg Oddsdotter, ~ Andres Pålsson på Ringheim, n. 1302–1317	
(1) Odd Halleson på Rogne, n. 1320–1346	(1) Svein Halleson på Rogne n. 1323–1348 ~ hustru Brynhild Sigurdsdotter n. 1352–1378 (ho 2~2 Valtjov Bårdsson, n. 1345–1370)	(1) Jon Halleson, n. 1341	(1) Håvard Halleson, n. 1323–1341 ? ~ dotter av Arne Jorundsson Rev	(1) Guttorm Halleson, n. 1341
barn, døde (lenge) for 1370, og arva av mora, Brynhild Sigurdsdotter			hustru Åsa Håvardsdotter, n. 1376–1412, [1446] ~2 Botolv Eindridsson på Finne, † seinast 1389	Herborg Guttorms- dotter, n. 1379–1398 ~ Eirik Einarsson, n. 1398

Einar Pinnung og den sosiale statusen hans, gjev ikkje desse breva nokon direkte opplysningar om, men ut frå samanhengen må Einar ha vore gift med **Solveig i Bugarden**.⁷⁵³ Einar er truleg død hausten eller vinteren 1302–1303, ettersom Solveig opptrer som enkje i desember 1303. Kor vidt **Håkon** er sonen til Einar og Solveig, eller sonen til Solveig frå eit tidlegare ekteskap, er vanskelig å avgjera. Einar har nok på eitt eller anna vis vore i slekt med folket på Rogne, noko som kan indikera tilhøyrslse til aristokratiet. Dersom ein tolkar «husfrue»-tittelen til Solveig som ein hustrutittel, får ein endå ein indikasjon på dette. Sikker kan ein likevel ikkje verta, og det finnest diverre ikkje segl etter nokon av desse tre. Det skulle likevel vera trygt å rekna dei til den lokale eliten.

752. Jf. P. S. Andersen 1972b, sp. 652.

753. Jf. RN III, nr. 139, note 1.

SAK 247: [kring 1300], [Voss]: Brev frå Svein Bjarnesson og Halle på Rogne til sira Fjallar i Øystese: Fortel at **Ulv Håvardsson** vil be om å få gifta seg med prestens dotter Ulvhild, og gjev opplysningar om kor mykje jordegods han eig: 16 mmb i Helleve (Voss 96), 15 mmb i Vestreim (Voss 4), 5 mmb i Elgje (Eva 43), 2 mmb i Leiddal (Voss 75–76), 1 ½ mmb i Sonve (Voss 198) og 1 mmb i Roe (Voss 223 el 237, alt 220–221), samt 40 mark i reine pengar.⁷⁵⁴

Dateringa av dette brevet baserer seg på at Halle på Rogne opptrer i 1303, og at sira Fjallar er nemnd som vitne i 1304.⁷⁵⁵ Det kan med andre ord like gjerne vera frå kring 1310 som kring 1300. Den samla jordeigedomen som **Ulv Håvardsson** her er sagt å eiga er på 40 ½ mmb, og det må seiast å vera relativt mykje. Ulv Håvardsson er tvillaust identisk med Ulv på Vestreim/Ulv Bukk som er omtalt i 1340-åra, og som er handsama nedanfor (sjå s. 230).

SAK 248: [omlag 1300]: Vitnebrev frå J., prest på Vangen, Samson og Orm Kavle til Nikolas lagmann og alle andre lagrettemenn. Dei var til stades då **Erlend** førte vitne på at han og **Arne Dits** («dic») var blitt samde om arven etter **Ingebjørg** og om landskylda av den delen Erlend åtte i Vinsand (Voss 236). Ein annan gong svor Arne og **Alv**, sonen hans, på at det var betalt fullt(av kven og til kven?).. for dei 21 mmb i Vinsand, 4 ½ kyrlag for annakvart mmb og 5 kyrlag for annakvart.⁷⁵⁶

Ingen av dei involverte har det lukkast å identifisera nærare.

SAK 249: [kring 1300]: Oppteikningar på vokstavler om ei odelssak om garden Velken (Gra 103) i Granvin mellom fru **Åsa** og **Torgaut**. Samson stemna Torgaut til tings, og ei rad med personar vert nemnte som vitner eller domsmenn.⁷⁵⁷

Ingen av desse kan identifiserast nærare med noko form for visse, men fru **Åsa** må i det minste rek-nast til aristokratiet på bakgrunn av fruetittelen. **Torgaut** kan tenkjast å vera identisk med Torgaut på Aga i Ullensvang (om slektene der, sjå s. 304 og utetter), men dette kan ikkje avgjerast sikkert.

SAK 250: 14.–15. februar 1309, Ringeim på Voss: Vitnebrev frå lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då Halldor Øysteinsson stemna **Ogmund Ormsson** for kongens ombodsmann, av di han hadde nekta Halldor feveg til Bjørke-stølen over Skjerves grunn. Halldor førte då vitner på at mennene på Bjørke (Voss 157) hadde vegrett over Skjerve (Voss 158) til Bjørke-stølen.

754. DN II, nr. 60; RN II, nr. 1071.

755. Jf. RN II, nr. 1071, note 1.

756. DN X nr. 5; RN II, nr. 1069, regesten i RN er uklår, men etter DN ser brevet ut til å omhandla eit sal av 21 mmb i Vinsand. Dette tyder også ei påskrift på brevet med mykje yngre hand på.

757. DN XIII, nr. 2; RN II, nr. 1072.

Svein Ivarsson, som hadde ombod for Bakka kyrkje (det er Olavskyrkja på Bakkane i Bergen), gav Halldor fullmakt til å stemna Ogmund om denne kyrkjas teigar, og Svein førte vitner om rette grenser mellom Skjerve og denne kyrkja sine teigar i Bjørke.⁷⁵⁸

At Olavskyrkja på Bakkane i Bergen åtte jord i Bjørko kjem også fram i *BK*.⁷⁵⁹ På bakgrunn av det må ein rekna Halldor Øysteinsson som leiglending på Bjørko, og det kan ikkje utgreiast frå andre kjelder kor vidt han åtte jord andre stader. **Ogmund Ormsson** må på den andre sida ha ått delar av Skjerve, men eg har ikkje funne meir om han enn det som er sagt i dette brevet.⁷⁶⁰

SAK 251: 9. februar 1311, Eggum på Systrond: Vitnebrev frå Andres Pålsson og Erling Atleson. Det vart inngått forlik mellom **Halle på Rogne(?)**, som ombodsmann for borna til **Trond på [Rø]te**, og Tronds kone **Birgit** vedrørende Tronds tilgåve til Birgit og dei øvrige fordringane ho hadde i Tronds gard. Det vert mellom anna omtalt overdraging av 2 mmb i Hæve (Voss 21) og 4 mmb i Himle (Voss 202–203) for 4 kyrlag for kvart mmb i brent sølv og norske pengar. Dette godset, minst 4 kyrlag per termin, skal utbetalast til Birgit i halvårlege terminar. Til stades ved dette forliket var mellom anna Bård, mågen til Birgit, og Atle, sonen hennar, forutan Eindride og Torstein Trondssøner.⁷⁶¹

Om dei to sistnemnte er søner av **Trond på Røte** er uvisst, men ettersom dei er nemnte med namn er det rimeleg å rekna dei for å vera myndige, og ein skulle dermed rekna med at tronga for ein ombodsmann ikkje ville vore til stades. Det er dermed rimeleg å rekna med at dei ikkje var sønene til Trond. Det er tydeleg at både Trond og **Birgit** har vore gifte tidlegare, ettersom dei begge har born, men ikkje ser ut til å ha born saman. Ettersom Halle på Rogne opptreer som ombodsmann for borna til Trond, kan ein spekulera i eit ættesamband mellom desse tAt dette kan ha vore tilfelle viser også det faktum at bror til Halle, Odd, er sagt å bu på Røte i 1317.⁷⁶² Dersom det er eit ættesamband mellom ætta på Rogne og Trond på Røte, må ein rekna sistnemnte til den lokale eliten. Dette er likevel for usikkert til at eg vågar meg på ein sosial identifikasjon av desse folka.

758. *DN XXI*, nr. 9; *RN III*, nr. 552.

759. *BK*, pag. 29a.

760. Han er neppe identisk med den Ogmund Ormsson som utferdar eit brev på Voss i 1347–1348 (*DN V*, nr. 204). Til det er truleg det kronologiske spranget for langt. Kan henda er det eit slektskap til Ogmund Torkjellsson som eig jord i Skjerve i 1330 (sjå sak 267).

761. *DN III*, nr. 94; *RN III*, nr. 707.

762. *DN I*, nr. 151; *RN III*, nr. 1027; jf. G. Munthe 1835a, s. 621–624.

SAK 252: 27. april 1313: Vitnebreve frå sira Torstein prest, Sigvat [Kolbeinsson] abbedsbror som gjorde kjøpet på vegne av abbed Einar, Sigmund på «Azte» og Arne klerk. **Solveig i Bugarden** og sonen hennar, **Håkon**, selde 4 ½ mmb i Væle (Voss 205) på Voss til Munkeliv kloster for 4 ½ mark brent, mot innløysingsrett etter 5 år.⁷⁶³

Desse to er handsama ovanfor (sjå s. 203).



Figur 28. Seglet til Halle på Rogne frå kring 1300 (*NoSigV*, nr. 22).

SAK 253: Den 16. april 1315 vitnar Simon Ivarsson og Solve Ivarsson, kannikar ved Kristkyrkja i Bergen, Fridrek prest på Vangen, Peter prest på Hamre, Erlend prest på Tønjum, Bård prest på Lindås, Tore prest på Evanger, Peter på Finne, Brynjulv Petersson, Einar på «Eyrum» og Torstein Torgrimsson, om skifte etter **Halle på Rogne** mellom Halles kone **Gudrid** på den eine sida, og på den andre **Halles søner** representert ved Orm Kavle, Halles bror **Odd**, Halles søster **Ingebjørg**, og **Hollrod på Ringeim** (sjå s. 202). Dei var til stades då det vart gjort rekneskap over kor myje Gudrid hadde til gode hjå sin

mann Halle: Ho hadde lagt ut for tilgåva, for gullringen han gav henne i benkegåve, for kostnadane ved bryllaupet, for 2 mmb i Byrkjo (Voss 29), med meire, i alt 140 mark av eit slikt verde at ein må gje 8 ørtugar for smøret. For å ha dekkja desse utgiftene fekk ho 20 mmb i Halles gard Rogne (Voss 49). Halles born skal ha innløysingsrett etter visse reglar. Vidare kjøpte ho 3 mmb i Byrkjo (Voss 29) og 8 mmb i Åeland (Vst 18) frå Halles søner.⁷⁶⁴

På Vossevangen den 26. juli 1317 utferdar Simon og Solve Ivarssøner, kannikar i Bergen, Tore prest på Evanger, vikarprestane Åmunde og Ogmund på Vangen, Peter på Finne, Orm Kavle, Svein Bjarnesson, Einar Hallvardsson på Eyrar, Sigurd Bolle og Halldor Olavsson Duk eit vitnebreve. Dei var til stades då sønene til **Halle på Rogne**, representert ved sine farssøsken **Odd på Røte** og **Ingebjørg**, innløyste Rogne frå **Gudrid Audfinnsdotter** representert ved [sin noverande mann] **Tore Sigurdsson**. Gudrid hadde tidlegare fått 20 mmb i Rogne som del av fellesbuet og som pant for gjeld ho hadde betalt for sin avdøde mann Halle på Rogne. Odd gav no på vegner av Halles born 10 mmb i Alsåker i Åkrafjorden (Skå 46) og 10 kyr, og av sitt

763. DN XII, nr. 47; RN III, nr. 854.

764. DN V nr. 61; RN III, nr. 922.

eige gods 8 mmb i Latram i Berge (Voss 7) i Vangen sokn på Voss og 30 kyrlag som skal betalast i smør, korn, kyr og pengar. Odd skal gje landskyld av dei 2 mmb i Rogne som ikkje er innløyste, og Halles born skal ha burett på Rogne og innløysingsrett frå Odd.⁷⁶⁵

Halle på Rogne er ikkje omtalt i andre kjelder enn dei som alt er gjennomgått. Sønene hans, som er anonyme i breva ovanfor, er handsama seinare, og eit oversyn over dei ser ein i tavle 2. Halle må til liks med resten av slekta reknast til aristokratiet, og seglet hans inneheld eit våpenmerke med eit værhovud.

Odd på Røte opptrer første gong brevet frå 1315 ovanfor. I 1317 er han nemnt på Røte, medan han i 1323 bur på Gjerdåker (sjå sak 259). Frå 1324 og frametter til han er nemnt siste gong i 1333, kan eg ikkje finna han nemnt som anna enn **Odd Oddsson**. Det finnest ikkje overlevert segl etter han, og eg kan heller ikkje sjå at han opptrer i noko offentleg ombod. Likevel er det rimeleg å rekna han til aristokratiet på bakgrunn av slektstilhøyrsla. Det same gjeld søstera **Ingebjørg Oddsdotter**. Ho var som alt nemnt rimelegvis gift med Andres Pålsson på Ringheim (sjå s. 202).

Gudrid Audfinnsdotter vert av Lars Kindem sagt å truleg vera ei dotter av biskop Audfinn Sigurdsson i Bergen (biskop 1314–1330).⁷⁶⁶ Tek ein omsyn til det sosiale sjiktet ho giftar seg inn i, og kor sjeldsynt namnet Audfinn er i mellomalderen,⁷⁶⁷ er ikkje dette usannsynleg. På den andre sida finnest det heller ikkje prov for det. Det er likevel eit anna moment som tyder på at biskop Audfinn verkeleg kan ha hatt barn. I 1336 får nemleg biskop Eirik av Stavanger løyve frå pave Benedikt 12. til å dispensera tre menn for deira fødselsdefektar, slik at dei kunne utnemnast til alle sortar geistlege embeter trass i at dei var prestesonar. Mellom dei tre som vert dispenserte er ein «Bero Aufimi», noko som vanskeleg kan tolkast som anna enn Bjørn Audfinnsson.⁷⁶⁸ At han var presteson er i dette tilfellet eit nokså sterkt argument for at han var son av biskop Audfinn, ettersom det er lite truleg at det fantest fleire geistlege i Noreg med dette namnet. Og dersom han hadde ein son, er det slett ikkje umogleg at han også har hatt ei dotter. Det er kan henda rimeleg å rekna med at han mest sannsynleg fekk sine eventuelle born før han vart biskop, så kronologien skulle ikkje vera det store problemet her. På den andre sida var biskop Audfinn, på same måte som broren og forgjengaren hans i bispestolen, Arne Sigurdsson, ein ihuga motstandar av konkubinat hjå geistlege.⁷⁶⁹ I realiteten er det uråd å avgjera kor vidt Gudrid var ei dotter av Audfinn Sigurdsson, eller

765. DNI nr. 151, jf. RN III, nr. 1027.

766. Kindem 1933, s. 179 og 257. Jf. Kolsrud 1913, s. 222–223.

767. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 96–97.

768. DN VII, nr. 140.

769. Sjå t. d. Keyser 1856–1858 II, s. 133, 239; Gunnes 1982, s. 28; Tryti 1999a og 1999b.

ikkje, men eg meiner det er trygt å rekna henne til aristokratiet på bakgrunn av kven ho var gift med. Etter at Halle på Rogne var død, må ho ha gifta seg på nytt med **Tore Sigurdsson**, som i 1317 er omtalt som mannen hennar. Noko meir om han har eg ikkje funne. Etter at han var død gifta ho seg for tredje gong med Orm Petersson på Finne, også han ein mann av det lokale aristokratiet på Voss (sjå s. 215). Ved buoppgjeret etter Orm i 1326 opptrer stormannen Einar Hallvardsson som ombodsmannen hennar.⁷⁷⁰ Siste gong eg finn Gudrid nemnt i live er i 1333 då ho sel noko jordegods til Odd Oddsson.

SAK 254: [26. august 1319–25. august 1320]: Vitnebrev frå Orm Kavle, Svein på Dukstad («Huitæimi») og Halldor Duk: **Peter på Finne** førte vitner som svor på at dei var på Vangen for ni vintrar sidan (omlag 1310–1311) og hørte at Peter på Finne lyste om sitt kjøpstemne med **Peter Romundsson**. Peter Romundsson vedgjekk at Peter på Finne hadde gjeve han full betaling for 1 ½ mmb i «Horuæiz aa» (vel Eva 10).⁷⁷¹



Figur 29. Seglet til Peter på Finne frå 1303 (*NøSigV*, nr. 34).

Peter på Finne opptrer første gong i kjeldene i 1303, og siste gong han er nemnt i live er i 1319/1320. Forutan i dei sakene som er refererte her, er han nemnt i eit brev frå Øystese i 1304, der Peter på Sandvin (sjå s. 330) utferdar eit vitnebrev om vitnemål som vart gjevne på vegne av Peter på Finne om setervegen til Skåleim i Kvam (Vikøy 30). Dette indikerer at Peter på Finne også hadde jordegodsinteresser i Hardanger. Lars Kindem skriv noko underfundig at han «var kann henda av hordalandsk adelsætt, men var vel nærmast ein storbonde».⁷⁷² Utsegna kan stå som eit klassisk eksempel på kva plass adelsforskninga har hatt i norsk historiografi, og vitnar mest om ei kraftig motvilje mot å rekna med eit norsk aristokrati/adel i det heile. At Peter på Finne har tilhøyrt aristokratiet kan det neppe


vera noko tvil om. Våpenmerket i seglet hans, jordegodsinteressene, og ikkje minst det ein veit om rikdommen hjå sønene og etterkomarane hans viser dette. Sønene hans og etterfølgjarane på Finne er handsama nedanfor. For oversynets del set eg også her inn ei slektstavle.

770. Han fører våpenmerke i seglet sitt, eit skjold med to krosslagde økser. Jf. *NøSigV*, nr. 90 og 383.

771. *DNI* nr. 159, jf. *RN IV*, nr. 69.

772. Kindem 1933, s. 178.

Tavle 3. Den eldre ætta på Finne



Peter Romundsson er etter det eg har funne berre nemnt i dei to breva som utgjer denne saka og neste sak (sjå nedanfor). Det er dermed uråd å identifisera han sosialt. Med bakgrunn i det svært sjeldsynte namnet Romund,⁷⁷³ er det rimeleg å tenkja seg eit slektsamband med andre berarar av namnet på Voss og i Hardanger,⁷⁷⁴ men korleis eit slikt slektskap har vore er uvisst.

SAK 255: 28. august 1320, Vossevangen: Vitnebrev frå Orm Kavle, Odd på Rogne, Halldor Duk og Svein «Horger». Dei var til stades då **Peter Romundsson** vedgjekk å ha selt til **Bjørn Steinesson** halve Gjerstad (Voss 24), 20 mmb, for 5 ½ kyrlag per mmb. Partane oppnemnte tre mann kvar til å taksera husa på denne helvta, og desse vart vurderte til 12 kyrlag av di dei ikkje var leigeføre. Bjørn kjøpte dessutan skogen «Viderkunna þæmmt» av Peter for 1 ½ kyrlag, mot innløyingsrett til same pris for Peters søner.⁷⁷⁵

Bjørn Steinesson er forutan i denne saka, også part i to saker frå 1340 (sjå sak 281 og 282). Han har kan henda budd på Gjerstad,⁷⁷⁶ ettersom det i 1340 vert sagt at Orm Petersson (sjå s. 215) skal ha stølen Kviting utan innblanding frå folket på Gjerstad. Han opptrer elles i ei rekkje brev, ofte som brevutferdar, mellom 1320 og 1343, og seglet hans er kjent frå fleire av dei. I 1329 opptrer han i eit klårt aristokratisk miljø og er då nemnt framfor Hardangerlensmannen Ogmund Olavsson.⁷⁷⁷ I 1343 er han nemnt først av dei som utferdar eit vitnebrev, framfor folk som Alvfinn på Rekve (sjå s. 260) og Jostein (Hallsteinsson) på Saue (sjå s. 234).⁷⁷⁸ På bakgrunn av seglmerke og øvrige omstende er det



Figur 30. Seglet til Bjørn Steinesson frå tida 1323–1342 (*NoSigV*, nr. 130).

773. Sjå E. H. Lind 1905–1915, sp. 591.

774. Til dømes Torkjell Romundsson (sjå sak 93) og Birning Romundsson (sjå s. 243).

775. DN XXI, nr. 25; RN IV, nr. 70.

776. Jf. dessutan Kindem 1935, s. 159.

777. DN III, nr. 153.

778. DN VI, nr. 167.

rimeleg å rekna han til aristokratiet. Hjortehovudet i seglet hans gjer det freistande å tenkja seg eit samband med det ein kan omtala som «Bukk-ætta» på Voss, med folk som Bjørn Bukksson som opptrer i Bergen men saman med fleire vossingar kring 1303,⁷⁷⁹ Eirik Bukk på Finne (sjå s. 216), og Ulv og Håvard Bukk (sjå s. 230). Vidare er det interessant å sjå at Peter på Finne fører ein springande hjort i seglmerket sitt (fig. 29 på s. 208), og at Bjørn Steinesson ser ut til å ha hatt delvis overlappande eigedomsinteresser med folket på Finne. Dermed er det rimeleg å rekna på ei eller anna form for slektskap mellom Bjørn Steinesson og folket på Finne, men korleis dette slektskapet var er uvisst.

SAK 256: [omlag 1320], [Vossevangen?]: Vitnebrev frå Fridrek prest på Vangen, Svein på Dukstad og Halldor Olavsson Duk. Dei var til stades då **Odd** vedgjekk at **Peter bonde** kravde underhald og det godset som **Ingegjerd** åtte i garden til Arne bonde på Gjerme (Voss 26), og forbaud han å sitja i det. Peter bonde vedgjekk at Odd baud han begge delar.⁷⁸⁰

Kven desse personane er går ikkje direkte fram av brevet. Likevel er det rimeleg greitt å identifisera dei. **Odd** må anten vera Odd Oddsson på Røte/Gjerdåker (sjå s. 207) eller brorsonen hans Odd Halleson på Rogne (sjå s. 213), helst den første dersom dateringa av brevet stemmer.⁷⁸¹ **Peter bonde** kan knapt vera andre enn Peter på Finne (sjå s. 208), og **Ingegjerd** er truleg identisk med Ingegjerd Torgautsdotter som i eit brev frå 1375 er sagt å ha gjeve jord i Gjerme til Håvard Bukk kring 1345 (sjå sak 310), og som var gift med Orm Kavle. Ho er handsama nedanfor (sjå s. 225).

SAK 257: 4. mai 1321, [Voss?]: Provsbrev frå [herr] Arne på Ask og Orm Kavle till herr Hauk [Erlendsson gulating-]lagmann. Den 28. mai året før lét Jørund bera vitne at **Besse** for femten år sidan (omlag 1305) overdrog til **Svein**, som var gift med dottera hans **Hallrid**, 1 ½ mmb i Berge (Voss 7), i morsarv til Hallrid (som med det hadde fått heile morsarven sin). Men no får ho korkje jorda eller landskyld av faren. På stemne sist haust (1320) vart både jord og landskyld tildømt **Jørund**, som no er gift med Hallrid.⁷⁸²

779. DNI, nr. 198.

780. DN II, nr. 141; RN IV, nr. 92.

781. For datering sjå RN IV, nr. 92, note 1 og 2.

782. DN IV, nr. 149; RN IV, nr. 110.

Besse har det ikkje lukkast å identifisera nærare.⁷⁸³ **Jørund** er på si side truleg identisk med **Jørund Asbjørnsson** på nettopp garden Berge,⁷⁸⁴ som vi møter som brevutferdar fleire gonger i tida 1340–1342,⁷⁸⁵ og som vi har overlevert seglet etter. Han må minst reknast til den lokale eliten på Voss, ettersom han opptrer som brevutferdar saman med lensmannen ved fleire høve, og at han fører våpemerke i seglet sitt. Rimelegvis er han og **Hallrid** foreldre til Odd Jørundsson på Berge som er nemnt i sak 321, og Margreta Sveinsdotter (sjå s. 252), som i same sak er nemnt som Odds søster, er etter alt å døma dotter av Hallrid i hennar første ekteskap med **Svein** (sjå tavle 4). Svein har ikkje late seg identifisera sikkert, men bør vel også reknast til den lokale eliten. Kan henda er han identisk med den Svein Ivarsson som i 1309 er sagt å vera ombodsmann på Voss for Olavskyrkja på Bakkane i Bergen,⁷⁸⁶ eller Svein Bjarnesson som opptrer som brevutferdar fleire gonger på Voss mellom 1300 og 1317.⁷⁸⁷ Sistnemnte fører eit våpenmerke i seglet sitt som inneheld ein skjold med eit hjortegevir,⁷⁸⁸ og i brevet frå kring 1300 (sjå sak 247) sigillerer han framfor Halle på Rogne.



Figur 31. Seglet til Jørund Asbjørnsson på Berge frå tida 1340-1342 (*NøSigV*, nr. 367)

783. Han er neppe identisk med Besse på Tvilde (sjå s. 289), ettersom ein då skulle venta at nokon andre av arvingane hans var involverte i denne saka. Dessutan høver det dårleg kronologisk.

784. Jf. Kindem 1935, s. 64.


785. *DN* III, nr. 200 og 201 (1340); *DN* I, nr. 268 (1340) og 281 (1342). Jf. *RN* V, nr. 299, 300, 362 og 565.

786. *DN* XXI, nr. 9; *RN* III, nr. 552.

787. *DN* II, nr. 60 (ca. 1300); *DN* I, nr. 106 (1303); *DN* II, nr. 79 (1303); *DN* I, nr. 151 (1317). Jf. *RN* II, nr. 1071, og III, nr. 143, 144 og 1027.

788. *NøSigV*, nr. 21.

Tavle 4. Kring Berge i Dyrvedalen



SAK 258: 24. mai 1322: Vitnebrev frå Brynjulv Brynjulvsson og Rikolv Arnesson. Dei var til stades då **Torfinn Arnesson** kjøpte av **Gudbrand på Gjelle** 12 mmb i Brekko (Voss 142) i Raundalen, med to setrer, Mjølbotn og Vesete, for 12 pund «rått» kopar. Torfinn skal ha jorda frels for seg og sine etterkomarar.⁷⁸⁹

Eg har ikkje funne meir om **Torfinn Arnesson**. **Gudbrand på Gjelle** er handsama nedanfor (sjå sak 274).

SAK 259: 22. mai 1323, [Voss]: **Odd bonde på Gjerdåker** kjøpte 2 mmb i Saue (Voss 64)⁷⁹⁰ av **Håvard Halleson** for 5 kyrlag for kvart mmb. Likeeins hadde han på vegne av brorsønene sine **Odd** og **Svein**, betalt Håvard 9 kyrlag for 3 mmb i same garden, og dei resterande 6 kyrlag skulle betalast neste vår. Odd skal ha forkjøpsrett til resten av Håvards gods i Saue. Håvard og brørne hans skal på si side ha innløysingsrett til jorda.⁷⁹¹

Odd bonde på Gjerdåker er handsama tidlegare (sjå s. 207). Dei andre tre er alle brorsøner av han (jf. tavle 2 på s. 203), og førekjem i mange av dei etterfølgjande breva. Dei må alle reknast til aristokratiet.

789. DN XXI, nr. 30; RN IV, nr. 163.

790. Jf. Kindem 1935, s. 384.

791. DNI nr. 171, jf. RN IV, nr. 224.

Håvard Halleson er nemnt første gong i dette brevet frå 1323. Ut over det, samt dei to breva frå 1341 (sjå sak 287), kan eg ikkje sjå at han førekjem i kjeldene.

Kven han var gift med er ikkje sagt noko direkte om i kjeldematerialet, men eg skal



Figur 32. Segla til Odd Halleson (t. v.) i 1330, og Svein Halleson frå høvesvis 1330 (i midten) og 1347–1348 (t. h.) (*NøSigV*, nr. 186, 187 og 558). Legg merke til skilnaden mellom Odd og Sveins våpenmerker i 1330, og likskapen mellom Odds frå 1330 og Sveins frå 1347–1348. Kan ornamentet i randa av skjolda her tenkjast å seia noko om kven som var overhovud i familien? Odd var truleg eldst av brørne, medan Svein truleg var nummer to.

koma attende til dette spørsmålet nedanfor (note 842 på s. 221, samt tavle 5 på s. 221).

Odd Halleson må vera identisk med den Odd på Rogne som utferdar eit brev i 1320 (sjå sak 255). Også han er part i fleire av sakene nedanfor. Ut over dette opptre han fleire gonger som brevutferdar mellom 1330 og 1346,⁷⁹² då han er nemnt siste gong då han saman med broren Svein Halleson og Brynjulv Brynjulvsson utferdar ei vidisse.⁷⁹³ Han opptre fleire gonger i det ein må kalla eit aristokratisk miljø, som til dømes i 1345 då han er i Bergen og utferdar eit vitnebrev saman med gulatingslagmannen Holte Torgrimsson.⁷⁹⁴

Svein Halleson er til liks med broren Håvard nemnt første gong i dette brevet frå 1323. I 1326 vert han omtalt som Svein på Rogne då han medseglar eit brev (sjå sak 262 nedanfor). Til liks med begge dei to ovannemnte brørne sine, er også Svein part i fleire av sakene nedanfor. Elles opptre han som brevutferdar ei rekkje gonger.⁷⁹⁵ I 1340 vert han utnemnt til ombodsmann på Voss for bispestolen i Bergen, med rett til å rå for jordegodset, krevja inn landskyld og tiende, og å reisa søksmål i saker som vedkjem dette.⁷⁹⁶ Siste gong eg kan sjå at han er nemnt i live, er i 1347–1348 då han saman med Ogmund Ormsson utferdar eit vitnebrev om jordsal (sjå sak 285). Svein Halleson var gift med Brynhild Sigurdsdotter som er handsama nedanfor (sjå s. 235), og som er omtalt med hustrutittel ved minst eitt høve.

792. Jf. namnregistra i RN IV og V.

793. DN XII, nr. 94; RN V, nr. 835.

794. DN XXI, nr. 73; RN V, nr. 782.

795. Jf. namnregistra i RN IV og V.

796. DN VII, nr. 74; RN V, nr. 364.

SAK 260: 25. mars 1324, [Voss]: Vitnebrev frå Odd Oddsson. Han var til stades då **Orm på Finne** førte vitner på at hans far [**Peter på Finne**] hadde ått ein teig der Sigurd hadde gjort onn ulovleg. Jørund lensmann tok opp vitnesbyrdet, og Sigurd førte ingen vitner imot.⁷⁹⁷

Peter på Finne er handsama ovanfor (sjå s. 208), medan sonen **Orm Petersson på Finne** er omtalt nedanfor (sjå sak 263).

SAK 261: 4. november 1324, [Voss]: Vitnebrev om sal frå Jon Botolvsson, leigeprest på Vangen, Orm Kavle, Bjørn Steinesson, Svein på Graue og Bjørn Jonsson: **Torgeir på Tvilde** og hans hustru **Sigrid** vedgjekk å ha fått full betaling (60 kyrlag) av **Odd Oddsson** for 15 mmb jord, 5 i Tvilde (Voss 89), 3 i Brekko (Voss 40 el 142), 3 i «Mula» (Voss 95?) og 4 i Njåtveit (Vst 49). Torgeir og barna hans skal ha førsterett til å bygsla jorda, men skal ikkje kunna innløysa mindre enn 3 mmb om gongen.⁷⁹⁸

Odd Oddsson er identisk med Odd på Røte/Gjerdåker og er handsama tidlegare (sjå s. 207).

Torgeir på Tvilde og kona hans, **Sigrid**, har eg berre funne omtalt i dette brevet,⁷⁹⁹ og dei er dermed vanskelege å identifisera sosialt. Den einaste andre Torgeir eg har funne omtalt på Voss i 1320-åra, er ein Torgeir Einarsson som er sagt å vera til stades på Vossevangen den 9. juni 1326 (sjå sak 264), og dette kan dermed godt tenkjast å vera same mann. Sikker kan ein likevel ikkje vera. Det er vidare rimeleg å rekna med eit slektssamband til dei seinare generasjonane på Tvilde (sjå s. 288 og utetter), men korleis dette var er uråd å seia.

SAK 262: [9. mai 1326], [Bergen]: Vitnebrev frå Torkjell prest Ormsson, prebendarius ved Kristkyrkja i Bergen, Tord prest Erlendsson, Erlend Arnafjord og Tore «got». Dei var til stades då **Halldor** kjøpte 3 mmb i store Saue (Voss 242) på Voss av **Svein** for 10 mark forngilde. Halldor skal ha sikring i Sveins øvrige jordegods på Voss. Etter 10 vintrar kan jorda løysast inn. Besegla av utferdarane og Sveins ombodsmann Svein på Rogne.⁸⁰⁰

Kven **Halldor** og **Svein** kan vera, er uklårt, og eg har ikkje lukkast med ein sikker identifikasjon av dei. Svein er moglegvis identisk med Svein på Kvitheim (Dukstad) (sjå s. 226), og Halldor kan vera den same som Halldor Olavsson Duk (sjå s. 216), slik det også er gissa på i RN.⁸⁰¹

797. DN XXI, nr. 33; RN IV, nr. 277.

798. DN I nr. 178, jf. RN IV, nr. 310.

799. Jf. Kindem 1936, s. 46.

800. DN II, nr. 158; RN IV, nr. 411.

801. RN IV, namnregisteret s. 452 og 484.

SAK 263: 13. mai 1326, Bergen: Vitnebrev om buoppgjjer frå Torbjørn rådsman i bispegarden i Bergen, Eindride Petersson, Tore [Torkjellsson] på Onarheim, Eirik Hermundsson, Jon Josteinson og Greip Trondsson: Dei var til stades då **Gudrid Audfinnsdotters** ombodsmann Einar [Hallvardsson] på «Eyrar» på den eine sida, og **Gudbrand Petersson på Finne** og **Eirik Erlendsson** på den andre, inngjekk avtale om Gudrid sine krav i buet etter sin mann, Gudbrands bror **Orm Petersson**: Gudbrand overlot til Gudrid 8 mmb i Kjellavik (Fjb 114) og 2 mmb i Romse (Fjb 62), begge i Njardheim sokn i Sunnhordland, mot dei 13 mmb i Ullastad (Voss 44–45) på Voss som Orm hadde lagt i Gudrids tilgåve. Dette er 8 mark gull = 64 mark forngild. Vidare overlot han til ho 2 mmb i Romse for dei 12 kyra Gudrid åtte i Orm sin gard, og stadfesta den gåva på 10 mmb i Bø i Vangen sokn (Voss 28, 108 el 132) som Orm gav til Gudrid på dødsleiet.⁸⁰²

Gudrid Audfinnsdotter er handsama ovanfor (sjå s. 207). Heile denne slektskrinsen kan, som nemnt tidlegare, reknast til aristokratiet.

Orm Petersson på Finne, den tredje mannen hennar, opptre første gong i 1324 (sjå sak 260), og er død i 1326 slik det går fram av denne og neste sak. Saman med broren Gudbrand er han i Bergens Kalvskinn sagt å ha gjeve desse etterskrivne jordene til kyrkja på Vangen for skulda til far deira (jf. sak 228). Først i 1 mmb i Lunde (Voss 244) for 4 kyr, 1 mmb i Saue (Voss 64 el. 240–241) for 10 laup, ½ mmb i Grevle (Voss 57) for 2 kyr, 1 mmb i Fenno (Voss 166–167) for 4 kyr, 1 mmb og 1 pundsbol i Ukvitno (Voss 81–82) for 16 laup, 2 mmb i Oppeim (Ulv 55) i Ulvik sokn for 12 kyr som sira Gudleik selde med samtykke frå biskopen, 1 mmb i Valland (Vikøy 33) for 5 kyr. Til saman 107 laup.⁸⁰³

Gudbrand Petersson på Finne opptre på si side første gong i 1321, då han er sagt å ha vore til stades då biskop Audfinn forbyr to menn å hausta ein engeteig.⁸⁰⁴ Han opptre elles i fleire av sakene nedanfor. I 1330 kallar han seg Gudbrand klerk,⁸⁰⁵ noko som vitnar om at han må ha hatt ei viss utdanning. Siste gong eg har funne han omtalt i live er i 1333 (sak 276), og han er etter Kindem død seinast 1338.⁸⁰⁶ I alle høve er han truleg død då han er omtalt i eit brev frå 1343 (sak 288).


802. DNI nr. 186, jf. RN IV, nr. 412.

803. BK, pag. 92a.

804. BK, pag 88a; DN XV, nr. 5; RN IV, nr. 129.

805. DNI, nr. 210; RN IV, nr. 741; jf. sak 269.

806. Kindem 1933, s. 179.



Figur 33. Segla til Gudbrand Petersson på Finne (t. v.) frå åra 1330–1333 (*NøSigV*, nr. 190), og Eirik Erlendsson Bukk på Finne frå 1326 (*NøSigV*, nr. 155). Som i seglet til Peter på Finne (fig. 29 på s. 208) er det hjorten som er det sentrale i våpenmerket.

og 292). Han ser ut til framleis å vera i live i 1348 (sak 291), men er død i 1350 (sak 292). Han må ha hatt barn, men også dei er døde i 1350, og arvingen deira var Elin Viljalmsdotter (sjå s. 237). Kan henda døydd både han og borna hans i Svartedauden.⁸⁰⁸ Skiftet etter han er handsama kultur- og gjenstandshistorisk av Sigurd Grieg.⁸⁰⁹

SAK 264: 9. juni 1326, på Vossevangen: Vitnebrev om gåver frå vikarprestane Jon og Kolbein på Vangen, Sigurd Bjørnsson og Alfvinn i Gjerde: **Halldor Duk** gav **Gudbrand Petersson** (sjå s. 215) på Finne eit prydd sverd som han hadde fått som testamentarisk gåve frå Gudbrands bror Orm. Til vederlag gav Gudbrand 3 mmb i Hylle (Voss 110) til Halldor, med rett til innløyning.⁸¹⁰



Figur 34. Segla til Halldor Duk Olavsson frå høvesvis 1319–1320 (t. v.) og frå perioden 1330–1350 (*NøSigV*, nr. 101 og 188)

også i Bergen.⁸¹¹ Han ser ut til framleis å vera i live så seint som i 1365, då han samtykkjer i eit skifte mellom Elin Viljalmsdotter på Finne og mor hennar (sjå sak 296). Han må då ha vore svært gammal, og har vel døydd ikkje lenge etter dette. På bakgrunn av våpenmerke i seglet hans, og dei miljøa

Eirik Erlendsson Bukk på Finne opptreer også første gong i dette brevet frå 1326. Han har truleg anten vore gift med ei dotter av Peter på Finne, var dermed truleg svoger til Gudbrand og Orm, eller han var ein søsterson av desse to brørne (jf. tavle 3 på s. 209).⁸⁰⁷

Kva som er rett er uråd å avgjera sikkert. Også Eirik Bukk opptreer i fleire av dei etterfølgjande sakene (277, 281, 282, 283, 288, 291

Halldor Duk Olavsson opptreer første gong i 1317, då han er nemnt sist av brevutferdarane av brevet som omhandlar innløyninga av Rogne (sjå sak 253). Han er kan henda identisk med den Halldor som opptreer i ei sak ovanfor (sjå s. 214). Ut over dette opptreer han som brevutferdar i ei rad brev mellom 1319 og 1350, dei fleste på Voss, men

807. Jf. Kindem 1933, s. 180.

808. Kindem 1933, s. 180.

809. S. Grieg 1934.

810. *DNI* nr. 187, jf. *RN IV*, nr. 417.

811. Sjå namnregistra i *RN IV* og *V*.

han opptretr i, er det rimeleg å minst rekna han til den lokale eliten, om ikkje til aristokratiet. Han må elles vera far til den **Arnfinn Halldorsson**, eller Duksson, som opptretr som brevutferdar i fleire brev på Voss mellom 1339 og 1387,⁸¹² og som fører ei lilje som våpenmerke i seglet sitt.⁸¹³ Både Halldor og sonen Arnfinn har rimelegvis budd på garden Dukstad (Voss 85) i Vinjar åtting.⁸¹⁴ Gjert Milzow skriv i alle fall det i si *Presbyterologia* frå 1679, og legg til at kona til Halldor heitte Gudrun, og at det var på denne garden at biskop Olav Torkjellsson budde 200 år seinare.⁸¹⁵

SAK 265: 26. november 1328, Byrkjo på Voss: Vitnebrev om sal frå Gudleik Jonsson og Alvfinn på Rekve: **Sveinke Sigurdsson** overlot 1 mmb i Byrkjo (Voss 29) til **Brynjolv Hallsteinsson** for 5 kyrslag, med innløydingsrett for same pris.⁸¹⁶

Sveinke Sigurdsson er forutan i denne saka, også nemnt i sak 270, der det vert fortalt av Sveinkes far Sigurd hadde bygsla 15 mmb i Ringheim (Voss 50–51). Rimelegvis har då både Sveinke og far hans budd på Ringheim. Lars Kindem meiner, etter Gerhard Munthe, at Sveinke var son av ein Sigurd «av» Ringheim som skal ha vore i live i 1339, og som igjen var son av Andres Pålsson på Ringheim (om han, sjå s. 202).⁸¹⁷ Eg har ikkje klart å finna igjen kjelda for opplysninga til Kindem og Munthe om at Sigurd på Ringheim var i live i 1339. Ut frå dei opplysningane eg har funne, er det ikkje råd å identifisera Sveinke Sigurdsson nærare.

Brynjolv Hallsteinsson er berre kjent frå denne saka samt sak 268, der han også kjøper jord i Byrkjo. Det har ikkje vore mogleg å identifisera han nærare.

SAK 266: 15. mars 1329, i Bergen: Vitnebrev om forlik frå Bård Petersson, gulatingslagmann, Olav Jonsson og Arnfinn «trinbrok»: Dei var til stades då **Brynjolv Brynjolvsson** (på eigne, si mor **Gudrids** og sine brørs vegne) inngjekk forlik med **Arnljot på Spildo**. Arnljot overlot til

812. Sjå namnregistra i RN V, VI og VII.

813. *NøSigV*, nr. 554 og 865.

814. Jf. Kindem 1936, s. 12–14.

815. Milzow, *Presbyterologia Norvegico Vos-Hardangriana*, s. 21: «Hæc villa illa est sedes, qvam à sui exædificatione 200 post annos Dn. Olaus Torchilli Episcopus Bergensis urbe relictâ apud Wossos habitavit, in qva etiam vitam clausit. Haldori verò prænominati uxor Gudruna erat, qvippe qvæ mode delectarum inter nos tunc temporis fœminarum *huußsprøygia* à *Hvitheime* i *Dukartuune* Matrona sev Domina Dukartunensis de *Hvitheim* consalutata fuit.» Han legg til, på s. 25, om Olav Torkjellsson, då han fortel om tida hans som sokneprest på Voss, at Olav var fødd av adelege foreldre («generosis oriundus parentibus»). Det er ein del indikasjonar på at han opphavleg var frå Voss, kan henda frå nettopp Dukstad. Han kan såleis gjerne vera ein ætting av desse folka, sjølv om våpenmerket hans ikkje har nokon likskap med våpenmerka til korkje Halldor Duk eller sonen hans (jf. Trættemberg 1968, s. 73 og 98).

816. DNI nr. 198, jf. RN IV, nr. 630.

817. G. Munthe 1835a, s. 620, note 2; Kindem 1935, s. 288.

Gudrid 3 mmb i Spildo (Gra 89–90) for 15 kyrlag «j þeim luta» som Ivar hadde ått, og med innløyingsrett. Han gav **Viking** ei øks som heitte «kærlig» og Brynjulv eit horn som heitte «nafle». Vert jorda ufrels for Gudrid skal forliket falla bort.⁸¹⁸



Figur 35. Seglet til Brynjulv Brynjulvsson frå høvesvis 1333 (t. v) og tida 1340–1347 (*NøSiggV*, nr. 245 og 365). Jf. også KB, Thott 1895 4^{to}, nr. XV.

Brynjulv Brynjulvsson er ut frå konteksten i brevet truleg bror til **Viking**, og **Gudrid** må vera mor til dei begge. Første gong eg kan sjå at han er omtalt er i 1322, då han utferdar eit vitnebrev på Voss saman med ein annan mann.⁸¹⁹ Truleg budde han på garden Nyre.⁸²⁰ I mars 1333 utferdar han nok eit vitnebrev på Voss, då saman med lensmannen Borgar og ein annan mann,⁸²¹ og han opptrer elles srom brevutferdar ved mange brev fram til 1347.⁸²² Den 10. mars 1340 er han første gong nemnt som lensmann på Voss, då åleine i to brev.⁸²³ Han er også nemnt lensmann på Voss i eit anna brev frå 1340.⁸²⁴ I 1341 er han nemnt først mellom utferdarane av eit brev og framfor lensmannen Gaut (Sveinsson?), utan at han sjølv er kalla lensmann.⁸²⁵ I begge breva der han er nemnt i 1347 er han saman med Arnbjørn Bjørnsson kalla kongens ombodsmann på Voss.⁸²⁶ Dette er også siste gong eg kan finna han nemnt i kjeldene frå mellomalderen. Seglet hans inneheld eit våpenmerke, som er svært likt våpenmerka som er nytta av Rogne-ætta (jf. fig. 28 på s. 206 og fig. 32 på s. 213). Dette, saman med omboda som lensmann og ombodsmann, gjer at han trygt kan reknast til den lokale eliten, om ikkje også til aristokratiet. Det er mogleg at Brynjulv Brynjulvsson også er far til ein **Eiliv Brynjulvsson** som vi møter seinare (sjå s. 240; jf. tavle 7 på s. 235).

Arnljot på Spildo har eg ikkje funne meir om, og det er dermed uråd å identifisera han nærare.

818. DN I nr. 200, jf. RN IV, nr. 655.

819. DN XXI, nr. 30.

820. DN II, nr. 231 og 232; jf. RN V, nr. 209 og 210, særskilt note 1.

821. DN III, nr. 170.

822. DN IV, nr. 207 (1333); DN II, nr. 231 og 232 (1339); DN I, nr. 264 (1340); DN III, nr. 200 og 201 (1340); DN XXI, nr. 58 (1339–1340); DN I, nr. 268 (1340); DN V, nr. 150 (1341); DN XII, nr. 94 (1346); DN I, nr. 304 (1347, som medseglar); DN III, nr. 245 (1347).

823. DN III, nr. 200 og 201; RN V, nr. 299 og 300.

824. DN I, nr. 268.

825. DN V, nr. 150. Den tredje brevutferdaren er ein Brynjulv Vikingsson, som mogleg kan vera ein brorson til Brynjulv Brynjulvsson.

826. DN I, nr. 304; DN III, nr. 245.

SAK 267: 14. april 1330: Vitnebrev frå Sigvat Kolbeinsson, Benedikt Romfarason og Torleiv Oddsson. Dei var til stades då **Ogmund Torkjellsson** gav til Munkeliv kloster 4 mmb i Stuarjo (Voss 161) og 4 mmb i Skjerve (Voss 157), begge på Voss, samt 3 mmb i Drage (Jon 42) i Jondal sokn i Hardanger, i provent for seg.⁸²⁷

Gunnar Pettersen estimerer at jordegodset har eit samla verde på mellom 43 og 55 mark forngilde.⁸²⁸ Eg har ikkje funne meir om **Ogmund Torkjellsson** heller, men kan henda er det slektskap til Ogmund Ormsson som eig jord i Skjerve i 1309 (sjå sak 250). Det er rimeleg å rekna han til ein lokal elite når han kjøper seg provent i klosteret, og Gunnar Pettersen reknar han til det midtre sjiktet av proventkjøparar.⁸²⁹

SAK 268: 22. april 1330, [Voss]: Vitnebrev frå Bjørn Steinesson, Arne Jørundsson, Odd og Svein Hallessøner. Dei var til stades då **Sørkve Ormsson** selde til **Brynjulv Hallsteinsson** (sjå ovanfor under sak 265) 1 mmb i Byrkjo (Voss 29) for 4 kyr, der 2 var betalt og dei siste 2 skal betalast til hausten saman med leige.⁸³⁰

Sørkve Ormsson er handsama nedanfor (sjå s. 226).

SAK 269: 1. mai 1330, Vossevangen: Salsbrev frå **Gudbrand klerk**, son til Peter bonde på Finne: Han har selt til sira Gudleik, prest på Vangen, 1 mmb i «Skemmo»-luten («j Skemmo luta i leygu») (truleg Voss 47) for 5 kyrlag og 1 spann.⁸³¹

Gudbrand Petersson på Finne er handsama tidlegare (sjå s. 215).

SAK 270: 4. mai 1330, Vossevangen: Vitnebrev frå Halldor [Olavsson] Duk og Alvfinn på Gjerde. Dei var til stades då **Arne Jørundsson** i nærvere av Sveinke Sigurdsson let føra vitner på at Sveinkes far Sigurd hadde bygsla 15 mmb i Ringeim (Voss 50–53) av Arne.⁸³²

827. DN XII, nr. 76; RN IV, nr. 734.

828. G. Pettersen 1992, s. 68, nr. 24.

829. G. Pettersen 1992, s. 105.

830. DN II, nr. 175; RN IV, nr. 736.

831. DN I nr. 210, jf. RN IV, nr. 741.

832. DN II, nr. 176; RN IV, nr. 743.



Figur 36. Seglet til Arne Jørundsson i 1330 (*NøSigV* nr. 185).

Arne Jørundsson er elles kjent frå tre andre brev. Den 23. juli 1327 er han i Bergen der han saman med to andre utferdar eit provsbrev om eit skogdele på Skorpo i Tysnes. Han sigillerer her framfor den seinare bergenslagmannen Einar Hallvardsson.⁸³³ Den 11. november same år er han på Voss og utferdar eit vitnebrev saman med to andre, mellom anna presten på Vangen,⁸³⁴ og den 22. april 1330 er han også på Voss der han utferdar eit vitnebrev om sal av jord saman med Bjørn Steinesson og Hallessønene Odd og Svein (sjå sak 268). Han beseglar då framfor Hallessønene, men etter Bjørn Steinesson.⁸³⁵ Ut over dette kan eg ikkje sjå at Arne Jørundsson er nemnt i live. I eit brev frå 1402 kjem det likevel fram ei opplysning om Arne Jørundsson,

nemleg at han hadde tilnamnet Rev.⁸³⁶ Seglet til Arne Jørundsson er kjent frå 1330 (fig. 36), og inneheld eit våpenmerke med eit trekanta skjold der to samanstøytande økser kviler på skjoldsidene i nedre del av skjoldet. Over desse er det etter alt å døma ein hjelm. Korleis omskrifta skal lesast er usikkert.⁸³⁷ Arne Jørundsson må reknast til aristokratiet, både ut frå dei han opptrer saman med, våpenføring, og sonen sin status.

Kven Arne Jørundsson var son av, er uvisst. Nokre få kandidatar er kjende frå kjeldene. Ein Jørund på Rekve (Voss 15–17) som er nemnt i 1303, står kan henda fram som den mest sannsynlege kandidaten,⁸³⁸ ettersom Jørund Arnesson i 1403 er sagt å ha ått jord i nabogarden Vassenden (Voss 14).⁸³⁹ Dette er også kandidaten til Lars Kindem.⁸⁴⁰ Frå same tidsperiode er elles kjende både ein Jørund på Bryn og ein Jørund Unge.⁸⁴¹ For oversynets del set eg her inn ei ættetavle.⁸⁴²

833. DN X, nr. 21; RN IV, nr. 514.

834. DN XXI, nr. 37; RN IV, nr. 553.

835. DN II, nr. 175; RN IV, nr. 736.

836. DN V, nr. 419. E. H. Lind 1920–1921, sp. 300, har ført dette tilnamnet under «røfr», men vedgår samstundes at det like gjerne kan vera «refr». At det truleg er det siste, viser våpenmerket til Jørund Arnesson (fig. 46).

837. *NøSigV*, nr. 185. Huitfeldt-Kaas meiner at det kan vera ei bispehue også, men ut frå våpenmerket til Jørund Arnesson er det mest truleg ein hjelm.


838. DN I, nr. 97; DN II, nr. 181; RN III, nr. 140.

839. DN IV, nr. 736.

840. Kindem 1933, s. 259; Kindem 1935, s. 108.

841. DN XIII, nr. 2; RN II, nr. 1072.

Tablle 5. Jørund Arnessons slektskrins.⁸⁴³



SAK 271: 10. mai 1330, Vossevangen: Vitnebrev frå Kolbein leigeprest på Vangen, Gudleik Jonsson og Arnbjørn på Lydvo. Dei var til stades då **Gudbrand Petersson** på Finne (sjå s. 215) selde til **Odd Hallesson** (sjå s. 213) 3 av dei 4 mmb i Ullestad (Voss 44–45) som han arva etter sin far **Peter bonde** (sjå s. 208), for 5 kyrlag per mmb.⁸⁴⁴

Alle desse tre er omtalte tidlegare.

SAK 272: 28. april 1332: Fullmaktsbrev frå **Grjotgard**, prest på Haus, for Bjørn Steinsson, retta til alle menn på Voss. Han gjev Bjørn fullmakt til å krevja inn ½ mmb i Tvilde (Voss 89) av arvingane etter **Håvard på Hefte**.⁸⁴⁵

Kor vidt **Grjotgard**, presten på Haus, her skal oppfattast som privat jordeigar eller om han opptrer på vegne av ein kyrkjeleg institusjon, er vanskeleg å seia. I nytid eig både prestebolet på Voss og

842. Som tavla viser har truleg Arne hatt to døtrer i tillegg til sonen Jørund. Dette baserer seg på arveoppgjeret etter Jørund Arnesson (sjå s. 245), der Gudrun Eilivsdotter (sjå s. 262) først tek heile arven, men deretter vert tvungen til å dela den med hustru Åsa Håvardsdotter på Finne (sjå s. 248). Ettersom det går direkte fram av kjeldene at Gudrun var ei søsterdotter av Jørund (sak 341), må hustru Åsa anten ha vore ei samfedre morsøster av han, eller ei samfedre søsterdotter. At Gudrun samstundes må prova at mora hennar ikkje var frillebarn, indikerer også at Arne har vore gift to gonger, og at mor til Gudrun mest truleg var av siste ekteskapet (jf. Steinnes 1951a, s. 131). Dette medfører likevel at dei kjem likt i arv, og kvar tek like mykje av arven (sjå *MLL*, s. 83, under arvebolken, kap. 7, femte arv; *NgL* II, s. 82). Kronologien talar etter mitt syn for at forklåringa må vera slik tavla viser, men at hustru Åsa var morsøster til Jørund kan heller ikkje heilt utelukkast.

843. Byggjer på eigne undersøkingar, samt Steinnes 1951a og 1952.

844. *DN* III, nr. 157; *RN* IV, nr. 746.

845. *DN* II, nr. 195; *RN* IV, nr. 878.

Sunnivaprebendet i Bergen jord i Tvilde,⁸⁴⁶ medan Olavskyrkja på Bakkane i Bergen åtte jord der i 1330-åra.⁸⁴⁷ Han må likevel ha vore relativt velstående, ettersom det i *BK* er skrive at kyrkja på Haus no eig 26 kyr som arvingane til sira Grjotgard hadde gjeve.⁸⁴⁸ Ut over dette har eg ikkje funne noko meir om sira Grjotgard. Eg reknar han her til dei lokalgeistlege.

Håvard på Hefte har eg ikkje funne fleire opplysningar om.

SAK 273: 5. mai 1332, Vossevangen: Vitnebrev frå Odd Oddsson, Alvfinn Brynjulvsson og Borgar Bjørnsson. Den 25. mars var dei i Hallsteins stove på Vangen, då **Gudbrand Petersson** (sjå s. 215) på Finne selde til **Odd Halleson** (sjå s. 213) 1 mmb i Ullestad (Voss 44–45) for 5 kyrlag, i tillegg til dei 3 mmb som Odd hadde kjøpt før, likevel med rett til innløyising for Gudbrand og hans arvingar.⁸⁴⁹

Begge desse er handsama ovanfor.

SAK 274: 29. mars 1333, Vossevangen: Vitnebrev frå Borgar lensmann på Voss, Brynjulv Brynjulvsson og Roald Jonsson. Dei var til stades då **Torstein** og kona hans **Ingebjørg** betalte 5 spannsbol i Freim (Ull 28), 1 spannsbol i indre Kvitno (Ull 39) i Odda sokn og eitt prydd belte til **Sigurd på Håeim** (i Ulvik), for 2 mmb i Olde (Voss 204).⁸⁵⁰ Ein gong mellom 26. august 1339 og 25. august 1340 utferdar Brynjulv Brynjulvsson [og andre] eit vitnebrev på Vossevangen. Dei var til stades då **Sigurd på Håeim** kjøpte helvta av setra øvre og nedre Slondal frå **Torstein «katææl», Gudbrand på Gjelle** (sjå sak 258) og **Erling på Sætre**, nemleg den helvta som ligg til «hofsens» i sameige med Brekko-mennene i Raundalen. Sigurd betalte 3 kyrlag.⁸⁵¹

846. *NKJ* III, s. 49 og 190.

847. *BK*, pag. 29a: Olavskyrkja er ført med 7 mmb.


848. *BK*, pag. 62b. Pag 62a har ei innførsle om at biskop Audfinn gav sira Grjotgard 8 kyr til bordhaldet hans.

849. *DN* III, nr. 164; *RN* IV, nr. 879.

850. *DN* III, nr. 170; *RN* IV, nr. 944.

851. *DN* XXI, nr. 58; *RN* V, nr. 343.

Om **Torstein** og **Ingebjørg** frå brevet i 1333 har eg ikkje funne noko meir, det same gjeld **Sigurd på Håeim** og **Erling på Sætre**. Men dei to andre er kjende mellom brevutferdarane av eit brev frå 1342 om vegbøtingsskiftet på Voss.⁸⁵² Dette brevet har også overlevert segla til **Torstein «katææl»** og **Gudbrand på Gjelle**, slik at vi får vita at dei heitte høvesvis Torstein Petersson og Gudbrand Oddsson. Dei sigillerer høvesvis som nummer 9 og 10 av



Figur 37. Segla til Torstein Petersson «katææl» (t.v.) og Gudbrand Oddsson på Gjelle frå 1342 (*NøSigV*, nr. 418 og 419).

Dei sigillerer høvesvis som nummer 9 og 10 av i alt 17 menn som sender brev til gulatingslagmannen. Seglmerka deira inneheld figurar som ikkje er uvanlege i våpenmerker, men dei kan ikkje reknast som våpenmerker ettersom dei ikkje inneheld skjold. Likevel sigillerer dei framfor menn som har skjold i seglmerka sine.⁸⁵³ Det er også grunn til å merka seg at seglmerket til Torstein er identisk med våpenfiguren i Besse Toressons segl (sjå fig. 66 på s. 289), og Gudbrand Oddssons seglmerke er svært likt seglmerka til mellom anna folket på Rogne (sjå fig. 32 på s. 213), der også namnet Odd er vanleg. Alt i alt er dette indikasjonar på at dei minst må reknast til den lokale eliten på Voss. Ut over dette opptretr også Gudbrand på Gjelle som brevutferdar i eit brev frå 1343, også dette om vegbøtingsskiftet på Voss.⁸⁵⁴

SAK 275: 1. oktober 1333, Rokne på Voss: Vitnebrev frå Brynjulv Brynjulvsson og Jon «biassmar». Dei var til stades då **Gudrid Audfinnsdotter** (sjå s. 207) selde til **Odd Oddsson** (sjå s. 207) 3 mmb i Byrkjo (Voss 29), for 3 kyrlag per mmb grunna forringing av jorda og dårlege hus.⁸⁵⁵

I Bergen, den 4. november same år, vitnar Ogmund Lang, Tore i Holmedalen og Halldor Duk, at dei var til stades då Arne Erlingsson og Asbjørn Gautsson vitna for **Odd Oddsson**, at dei var til stades då Odd betalte **Gudrid Audfinnsdotter** 3 kyrlag per mmb for 3 mmb i Byrkjo på Voss, og Gudrid vedgjekk å ha fått betaling.⁸⁵⁶

Også desse to er handsama tidlegare. Det same gjeld den påfølgjande saka.

SAK 276: 26. oktober 1333: Salsbrev frå **Gudbrand Petersson** (sjå s. 215) på Finne. Han har selt til **Odd Halleson** (sjå s. 213) 3 mmb i Ullestad (Voss 44–45) av dei 8 ½ som han åtte i øvretunet, for 4 kyrlag per mmb. Gudbrand skal dyrka heile jorda, eller oppebera full landskyld

852. *DNI*, nr. 281.

853. Sjå *NøSigV*, nr. 421, 423, 424 og 426.

854. *DN VI*, nr. 167.

855. *DN IV*, nr. 207; *RN IV*, nr. 1004.

856. *DN IV*, nr. 208; *RN IV*, nr. 1012.

av resten, 5 ½ laupar, dersom Odd har det heile. Gudbrand og hans etterkomarar skal ha full innløyingsrett, men dersom han døyr utan etterkomarar, skal Odd ha forkjøpsrett til samtlege 8 ½ mmb. Gudbrand vedgår å ha fått 12 kyrlag i betaling.⁸⁵⁷

SAK 277: 20. oktober 1338, Vossevangen: Makeskiftebrev frå **Erlend Karlshovudsson**: Saman med si hustru **Bergljot** har han overlate 7 mmb i Spildo (Gra 89–90) til **Eirik på Finne** (sjå s. 216), mot å få 4 mmb i Løno (Voss 66–67) samt mellomlegg.⁸⁵⁸

Erlend Karlshovudsson og kona hans, **Bergljot**, har eg ikkje funne omtalte andre stader enn her. Dermed er det uråd å identifisera dei nærare. Det kan tenkjast slektssamband til andre av eigarane i Spildo i Granvin på 1300-talet (sjå sak 266, 295, 296, 324 og 325), men eit slikt let seg ikkje påvisa. Namnet Karlshovud er heller ikkje av dei vanlegaste, noko som truleg er årsaka til at Gerhard Munthe «uden Tvivl» reknar han som ein son av Karlshovud i Kaupanger (sjå s. 396).⁸⁵⁹

Eirik Bukk på Finne er handsama ovanfor.

SAK 278: 6. april 1339, Hylle på Voss (1): Provsbrev frå Svein Halleson, Torstein Gjest, Gudleik Jonsson, Arnfinn Sveinsson, Arnbjørn Bjørnsson, Brynjulv Brynjulvsson, Gaut Sveinsson, Erling «rottr» (dvs. på Røte), Sigurd Torsteinsson, Asle Sigurdsson, Rikolv Arnesson og Ulv på Li. Partane **Sørkve Ormsson** og **Ingegjerd Torgautsdotter** kom for dei og Odd Halleson i den stova som Orm Kavle på Graue åtte, og Sørkve lot Brynjulv Torsteinsson og Sørkve Tordsson vitna at **Hallstein Ormsson** hadde gjeve sin bror Sørkve fullmakt til å stemna stykmora Ingegjerd for dei 12 mmb i Hylle (Voss 110) som far deira åtte, og at Sørkve møtte på Ringeim og stemna Ingegjerd til å ta i mot pengar for jorda. Sørkve la også fram eit brev om tilkomsten til jorda. Det vart også vitna at Ingegjerd tidlegare hadde vedgått at brørne hadde rett til innløyning.⁸⁶⁰

Same stad og tid utferdar Torstein Gjest, Arnfinn Sveinsson, Brynjulv på Nyre, Asle i Melve, Sigurd på Græe, Rikolv Arnesson og Ulv på Li nok eit provsbrev. Partane **Sørkve Ormsson** og **Ingegjerd Torgautsdotter** kom på stemne for dei i sak om 12 mmb i Hylle (Voss 110) som Sørkve kravde av Ingegjerd. Sigrid Frøysteinsdotter, Gyda Hollolvsdotter og Tora i Tøn vitna at dei var på Graue i skiftet etter **Orm Kavle**, då Hallstein og Sørkve Ormssøner la ut 12 mmb i Hylle til si stykmor Ingegjerd, som ho skulle ta landskyld av inntil ho hadde fått dei pengane ho hadde krav på.⁸⁶¹

857. DN III, nr. 175; RN IV, nr. 1011.

858. DN I nr. 254; RN V nr. 177.

859. G. Munthe 1835a, s. 585, note 1.

860. DN II, nr. 231; RN V, nr. 209.

Ingegjerd Torgautsdotter er andre kona til Orm Kavle, og stykmor til begge sønene hans, Sørkve og Hallstein.⁸⁶² Ho opptrer truleg første gong kring 1320 (sjå sak 256). Forutan i desse to breva frå 1339, er ho også nemnt i fleire brev frå 1370-åra – då i fortid (sjå sak 310, 314 og 317), og i brevet frå 1375 er ho sagt å ha vore i live 30 år tidlegare, altså kring 1345. Den lokallistoriske litteraturen har gjort henne identisk med den Ingegjerd som var gift med Askjell Torkjellsson (sjå kap. 4.21), og til ei dotter av stormannen Torgaut på Aga (om han og ættene på Aga, sjå kap. 4.11).⁸⁶³ Kva kona til Askjell Torkjellsson heitte er uvisst, og kor vidt ho er identisk med ho som seinare vart gift med Orm Kavle er i beste fall ei gissing. Kona til Orm Kavle, altså vår Ingegjerd Torgautsdotter, *kan* på bakgrunn av patronymet tenkjast å ha vore ei dotter av Torgaut på Aga, men heller ikkje det er meir enn ei gissing. Dersom det er rett, må ho reknast til aristokratiet, eit sjikt ho likevel må reknast til på bakgrunn av ektemannens status.

Orm Borgarsson⁸⁶⁴ **Kavle** er omtalt i kjeldene frå omlag 1300, og fram til skiftet etter han i 1339.⁸⁶⁵ Lars Kindem skriv at han «har visst vore av ei stor og rik adelsætt. Sume meiner at både bror hans og farbroren har vore norske riksråder». Vidare skriv han at han har nytta to ulike seglmerker,⁸⁶⁶ ei opplysning som truleg byggjer på Gerhard Munthe, men som er feilaktig.⁸⁶⁷ I hovudsak opptrer han i kjeldene som brevutferdar, både på Voss og i Bergen, og opptrer som regel i aristokratiske miljø. Til dømes i 1320 sigillerer han framfor både Odd Halleson på Rogne og Halldor Duk.⁸⁶⁸ I 1321 utferdar han brev saman med riddaren Arne på Ask.⁸⁶⁹ Siste gong eg kan finna han nemnt i live er då han medutferdar eit brev på Voss i 1324.⁸⁷⁰ Ut over dette kjem det fram ei opplysning i *BK* som fortel at kyrkja



Figur 38. Seglet til Orm Kavle frå tida 1303–1315 (*NoSigV*, nr. 35).

861. *DN* II, nr. 232; *RN* V, nr. 210.

862. Kindem 1936, s. 188 og 226, hevdar at Ingegjerd er mor til Sørkve, og stykmor berre til Hallstein, men at dette ikkje er rett går greitt fram av brevtekstane. Munthe 1835a, s. 617, note 2 på s. 618, som ser ut til å vera Kindems vanlege førelegg, har heller ikkje misforstått kjeldeteksten slik Kindem har gjort.

863. Sjå t. d. Kindem 1936, s. 226; Velde 1957, s. 314; Handegård 2004, kap. 7.

864. Patronymet går fram av omskrifta i seglet hans, «S: ORMERII FILII BORGARI» (*NoSigV*, nr. 35).

865. Jf. namnregistra i *RN* II–V.

866. Kindem 1936, s. 226. Kindem opplyser dessutan at han var til stades på Øvrabø i Fjelberg ved skiftet etter Askjell Torkjellsson i 1306, men skiftet var først halde i 1314 og inneheld ikkje namnet til Orm Kavle korkje mellom vitner eller brevutferdarar. Opplysningane om broren og farbroren som riksrådar er det ingen grunn til å festa lit til. Den såkalla broren har truleg sitt utspring i riddarane Amund og Jon Borgarssøner som opptrer i Vestfold på omlag same tid (jf. Y. Nielsen 1880b, s. 34, note 3).

867. G. Munthe 1835a, s. 617, note 2 (på s. 618); *NoSigV*, nr. 35. Yngvar Nielsen (1880b, s. 34) har også med denne opplysninga frå Munthe.

868. *DN* XXI, nr. 25; *RN* IV, nr. 70.

869. *DN* IV, nr. 149; *RN* IV, nr. 110.

i Ulvik eig 2 mmb i Istad (Voss 173) på Voss som Orm Kavle har ombod over.⁸⁷¹ Det er ingen grunn til ikkje å rekna Orm Borgarsson Kavle som ein del av aristokratiet.

Sørkve Ormsson opptreer første gong i 1330 då han sel noko jord i Byrkjo (sjå sak 268). Ut over denne saka, har eg berre funne han omtalt ein gong til. Det er i 1340 då han er nemnt først av tre menn som utferdar eit brev på Finne på Voss.⁸⁷² Han må reknast til det same sosiale sjiktet som far sin.

Hallstein Ormsson har eg ikkje funne nemnt før i denne saka, og han opptreer også i ei sak frå 1340 (sjå sak 283). Ut over dette har eg ikkje funne han nemnt i kjeldene, men også han må reknast til det same sosiale sjiktet som faren.

SAK 279: Etter BK har arvingane til **Svein på Kvitheim** gjeve 2 mmb i Ukvitno (Voss 81)⁸⁷³ for 8 kyrlag, og ½ mmb i Staup (Voss 65) for 2 kyrlag, til kyrkja på Vangen [på Voss].⁸⁷⁴

Svein på Kvitheim, eller Dukstad som garden heiter i dag,⁸⁷⁵ opptreer første gong i 1319/1320, då han utferdar eit brev saman med Orm Kavle og Halldor Duk (sjå sak 254), og er då nemnt etter Orm men før Halldor.⁸⁷⁶ Han er også nemnt framfor Halldor Duk i eit anna brev frå omlag 1320 (sjå sak 256).⁸⁷⁷ Ut over dette har eg ikkje funne han nemnt, dersom han då ikkje er identisk med den Svein som i 1326 sel jord i Store Saue til ein Halldor (sjå sak 262). Også Svein må reknast til aristokratiet på bakgrunn av det miljøet han opptreer i, og at han rangerer framfor Halldor Duk (sjå s. 216).

SAK 280: I BK er sira **Erling** sagt å ha gjeve ½ [mmb] Grovo (Voss 127–128) til kyrkja på Evanger.⁸⁷⁸

Sira Erling har rimelegvis vore prest på Evanger. Den einaste gongen eg har funne han omtalt i andre kjelder, er då han i 1332 utferdar eit vitnebrev om bygsel saman med Torstein Gjest.⁸⁷⁹ Han må reknast mellom dei lokalgeistlege. Kan henda er han identisk med sira Erling på Vinje (sjå s. 232), som også må ha ått jord på Voss.

870. *DN* I, nr. 178; *RN* IV, nr. 310.

871. *BK*, pag. 95a.

872. *DN* I, nr. 264; *RN* V, nr. 293.

873. Jf. Kindem 1935, s. 468.

874. *BK*, pag. 92a.

875. Jf. Kindem 1936, s. 11.

876. *DN* I, nr. 159; *RN* IV, nr. 69.

877. *DN* II, nr. 141; *RN* IV, nr. 92.

878. *BK*, pag. 92b.

879. *DN* XXI, nr. 47; *RN* IV, nr. 858.

SAK 281: 18. februar 1340, på Finne på Voss: Provsbrev frå Sørkve Ormsson, Brynjulv Brynjulvsson og Askjell Øysteinsson: Kom for dei **Bjørn Steinesson** (sjå s. 209) og **Eirik Erlendsson** (sjå s. 216), og Eirik lot Besse Toresson vitna at Bjørn Steinesson og **Orm Petersson** (sjå s. 215) hadde avtalt at stølen Kviting skulle tilhøyra Orm og seinare eigarar av Finne (Voss 43).⁸⁸⁰

Dei involverte i denne og dei to neste sakene er handsama tidlegare.

SAK 282: 10. mars 1340, Evanger: Vitnebrev frå Botolv, prest på Evanger, Brynjulv Brynjulvsson, lensmann på Voss, og Jørund [Asbjørnsson] på Berge. Dei var til stades då Jon Breidhaus og Hallbjørn Gjest vitna med handslag ovafor **Bjørn Steinesson** (sjå s. 209) og **Eirik Erlendsson** (sjå s. 216), at Bjørn og Eirik og deira formenn i manns minne alltid hadde hatt retten til fisket i «Nidera» på den sida der Jørnevik ligg, og at folket i Jørnevik ikkje hadde rett til å fiska meir enn 12 famner «dorgarskot» frå Vassenden og frå «Gryfiu».⁸⁸¹

SAK 283: 10. mars 1340, Horveid: Vitnebrev frå Brynjulv Brynjulvsson, lensmann på Voss, og Jørund på Berge. Dei var på Horveid då Bjørn Steinesson lét Jon Kåresson og Kjetil Eilivsson vitna at dei var på Vangen på Voss søndagen før, då **Eirik Erlendsson** (sjå s. 216) gav Bjørn fullmakt til å føra sak på sine vegne mot **Hallstein Ormsson** (sjå s. 226) vedrørande [fisket i] «Nider aa» opp frå «Gryfiu» til Vassenden.⁸⁸²

SAK 284: 2. september 1340, Bergen: Vitnebrev frå Arnfinn Sigurdsson, lagmann i Bergen, Einar Hallvardsson, Bård på Hjartåker, Tore Borg og Arnfinn på Dale, rådmenn i Bergen. Dei var til stades då **Tora Steingrimsdotter** vedgjekk å ha selt 9 mmb i Berge (Voss 7) i Vangen sokn på Voss til sira **Bård Halldorsson** og **Eirik Hermundsson** for 4 mark forngilde per mmb. Får dei ikkje jorda frels skal dei ta retten sin i Toras hus i Bredsgarden.⁸⁸³

Eg har ikkje funne meir om **Tora Steingrimsdotter** eller sira **Bård Halldorsson** i kjeldene, dersom då ikkje sistnemnte er identisk med den sira Bård som er sagt tidlegare å ha hatt ombod på Voss for bispestølen i Bergen.⁸⁸⁴ I alle høve må han reknast til det geistlege aristokratiet. At Tora Steingrimsdotter eig hus i Bergen, er også ein indikasjon på at ho bør reknast til dei betrestilte. **Eirik Hermundsson** opptre i ei anna kjelde frå mellomalderen, i bispegarden i Bergen i 1326 då han er

880. *DN I* nr. 264; *RN V* nr. 293.

881. *DN III*, nr. 201; *RN V*, nr. 299.

882. *DN III*, nr. 200; *RN V*, nr. 300. Jf. også *DN I*, nr. 268; *RN V*, nr. 362.

883. *DN V* nr. 142; *RN V* nr. 358.

884. *DN VII*, nr. 174; *RN V*, nr. 364.

mellom dei som utferdar eit vitnebrev om buoppgjjer på Finne på Voss.⁸⁸⁵ Eirik opptrer då i eit klårt aristokratisk miljø, og må reknast for å tilhøyra aristokratiet.

SAK 285: 1340 november 26, Vossevangen: Vitnebrev frå Halldor Duk og Sigurd Bjørnsson.

Dei var til stades då brørne **Eindrige Stubb** og **Svein Bergulvsson** betalte til sira Eindride, hovudprest på Vangen, 3 spansbol i Kvåle (Voss 36) i Strindar åtting på Voss for dei pengane sira Eindride betalte til Besse på Tvilde for Eindride Stubb. Halldor Duk borga for det ½ mmb Eindride betalte, og Sigurd Bjørnsson borga for det mmb Svein betalte for bror sin.⁸⁸⁶

Ein gong mellom 26. august 1347 og 25. august 1348 vitnar Svein Halleson og Ogmund Ormsson at dei var til stades då Eindride Stubb vedgjekk å ha fått betaling av sira Eindride Petersson, hovudprest på Vangen, 18 såld korn for seg og sin bror, Svein, og 1 vårfødd ku for sin måg **Olav**, etter fullmakt, for 1 mmb i Kvåle i Strindar åtting.⁸⁸⁷

Eg har ikkje funne meir om denne slektskrinsen,⁸⁸⁸ og kan dermed ikkje identifisera dei nærare.

SAK 286: 1. mai 1341, [Bergen]: Vitnebrev frå Asgaut på «øyrum» og Peter Sigurdsson. Dei var til stades då sira Halldor Jonsson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen, bygsla til **Askjell på Vinsand** dei 3 mmb i Vinsand (Voss 236) som Askjell hadde selt til sira Halldor, for [ei leige på] 3 lauper smør [per år]. Askjell vedgjekk å ha fått 10 mark forngild i betaling.⁸⁸⁹



Figur 39. Seglet til Askjell på Vinsand i 1341, 1342 og 1350 (*NoSigV*, nr. 398).

Askjell på Vinsand opptrer ut over dette som brevutferdar eller vitne i fleire brev mellom 1340 og 1350,⁸⁹⁰ men eg kan ikkje sjå at han opptrer som lagrettemann nokon stad. Likevel har han truleg tilhørt den lokale eliten. Ut frå seglet under eit vitnebrev frå sytten menn på Voss, dagsett 9. juni 1342, der Askjell på Vinsand er nemnt som nummer 6 av 17, kjem det fram at han heitte **Askjell Øysteinsson** på Vinsand.⁸⁹¹ Seglmerket hans er ei halv lilje. I 1343 utferdar han eit fullmaktsbrev på vegne av alle

bøndene i Strindaråtingen på Voss,⁸⁹² og i 1350 er han mellom dei seks takseringsmennene som

885. *DN I*, nr. 186; *RN IV*, nr. 412.

886. *DN V* nr. 144; *RN V* nr. 381.

887. *DN V* nr. 204; *RN V* nr. 1073

888. Det vi veit om dei knyter dei til Voss, og det er dermed lite truleg at den Svein Bergulvsson som er omtalt som drepen i 1352–1353 (*DN I*, nr. 337) er identisk med «vår» Svein Bergulvsson. Meir truleg var vel han frå ein stad i Aust-Noreg, kan henda Telemark, der namnet Bergulv ikkje er uvanleg (jf. E. H. Lind 1930–1931, sp. 153–157).

889. *DN XXI*, nr. 60; *RN V*, nr. 442.

890. *DN I*, nr. 264 (1340); *DN X*, nr. 45 (1341); *DN V*, nr. 150 (1341); *DN XXI*, nr. 68 (1343); *DN I*, nr. 317 og 321 (1350).

891. *DN I*, nr. 281; *NoSigV*, nr. 398.

892. *DN XXI*, nr. 68.

takserte godset etter stormannen Eirik Bukk på Finne.⁸⁹³ Etter 1350 har eg ikkje funne han nemnt.⁸⁹⁴ Kan henda var han ein ættling av Askjell Sakesvein som opptrer første gong (truleg) hausten 1302 då han vitnar i ei sak om Byrkjo på Voss (om han, sjå note 738 på s. 201).

SAK 287: 4. juni 1341, Vossevangen: Vitnebrev frå Arne Arnesson og Askjell Øysteinsson. Dei var til stades då **Sigurd Bjørnsson** vedgjekk at **Guttorm Halleson** hadde stemna han for lagtinget vedrørende den klaga som bror hans **Håvard [Halleson]** (sjå s. 213) hadde på **Ulv på Vestreim** vedrørende noko jord i Vinsand (Voss 236) og Leiddal (Voss 75–76), som han ikkje hadde fått full betaling for.⁸⁹⁵

Den 13. juni 1341 vitnar så Brynjulv Brynjulvsson, Gaut [Sveinsson?], lensmann på Voss, og Brynjulv Vikingsson, at dei var til stades og hørte at Eindride Skort og Sigurd Aslaksson vitna at dei var på Jernes då **Guttorm Halleson** stemna **Sigurd Bjørnsson** til Vangen vedrørende den jorda som Guttorms bror **Håvard** (sjå s. 213) hadde selt til **Ulv på Vestreim** utan å få full betaling for den. Askjell Øysteinsson og Hollolv Arnesson vitna at brørne **Jon**, **Håvard** og **Guttorm Hallesøner** åtte 12 mmb i Vinsand (Voss 236), og **Håvard** åleine 1 mmb i Leiddal (Voss 75–76). Erling på Røte og Helge Erlingsson vitna at dei var i arveølet etter Ulv og hørde **Håvard** klaga til arvingane over at han ikkje hadde fått full betaling.⁸⁹⁶

Sigurd Bjørnsson opptrer første gong i 1326, då han saman med tre andre menn utferdar eit vitnebrev om gåver. Han sigillerer då framfor Alvfinn i Gjerde (sjå sak 264). I 1340 utferdar han eit brev saman med Halldor Duk.⁸⁹⁷ Siste gong eg har funne han nemnt er i 1342 då han er nemnt som nummer 2 av 17 menn som utferdar eit vitnebrev om vegbøting på Voss.⁸⁹⁸ På ein eller annan måte må han ha vore i slekt med Ulv på Vestreim, ettersom det er han som vert stemna i denne saka. Truleg har han vore gift med ei dotter av Ulv (jf. tavle 6 nedanfor). Han må minst reknast til den lokale eliten.

Brørne **Håvard**, **Guttorm** og **Jon Hallesøner** tilhøyrrer alle slekta på Rogne (sjå tavle 2 på s. 203). **Håvard** er handsama tidlegare, medan **Guttorm** og **Jon** berre opptrer i denne saka. Dei må likevel reknast til aristokratiet saman med resten av slekta.

893. DNI, nr. 317 og 321. Jf. S. Grieg 1934.

894. Kindem 1938, s. 456, skriv at han er nemnt i tida 1339–1352, men eg har ikkje funne noko brev i 1352 som omtalar han.

895. DN X nr. 45; RN V nr. 450.


896. DN V nr. 150; *Mellomalderbrev frå Vossabygdene*, s. 87–88; RN V nr. 460.

897. DN V, nr. 144; RN V, nr. 381.

898. DNI, nr. 281; RN V, nr. 565.


Ulv på Vestreim er tvillaust identisk med den **Ulv Håvardsson** som i eit brev kring 1300 er sagt å eiga jordegods på til saman 40 ½ mmb (sjå sak 247). Det brevet er også det einaste som nemner han i live. Alle dei andre breva, inkludert denne saka, omtalar han i fortid, og det går greitt fram av denne saka at han er død. I 1347 vert han omtalt som Ulv «bukr» (sjå sak 290), eit tilnamn som rimelegvis må tolkast som Bukk, og indikerer eit slektskap til andre med dette tilnamnet i Vossetraktene. Ulv Håvardsson på Vestreim må også minst reknast til den lokale eliten, i hovudsak på bakgrunn av dei han er i slekt med. For oversynets del set eg her inn ei slektstavle.

Tavle 6. «Bukk-slekta» på Vestreim og deira slektskrins



SAK 288: 2. februar 1343, Vossevangen: Vitnebrev frå Odd Halleson og Svein Halleson. Dei var til stades og hørte at **Arnbjørn Bjørnsson** vedgjekk at den handelen han hadde inngått med **Gudbrand Petersson** (sjå s. 215) om «Griotar» var annullert. **Eirik Erlendsson** (sjå s. 216) og hans etterkomarar skal eiga garden.⁸⁹⁹

Arnbjørn Bjørnsson ser her ut til opphavleg å ha kjøpt garden(?) «Griotar»⁹⁰⁰ av Gudbrand Petersson, men går altså her tilbake på handelen til fordel for Eirik Erlendsson [Bukk] og arvingane hans.⁹⁰¹ Etter det eg kan sjå, opptre Arnbjørn Bjørnsson tre gonger til i kjeldene, første gong den 6. april 1339, då han er mellom dei som utferdar eit provsbrev i ei sak om garden Hylle på Voss. Han er her nemnt framfor Brynjulv Brynjulvsson.⁹⁰² Saman med nettopp Brynjulv Brynjulvsson er han nemnt som kongens ombodsmann på Voss i to brev frå 1347,



Figur 40. Teikning av seglet til Arnbjørn Bjørnsson, kongens ombodsmann på Voss 1347 (*NøSiggV*, nr. 524).

899. DN X nr. 49; RN V nr. 602.

900. Garden er ikkje identifisert.

dagsett høvesvis 30. januar⁹⁰³ og 12. juni⁹⁰⁴ dette året. Frå dette siste brevet er også seglet til Arnbjørn overlevert, og det inneheld eit våpenmerke som viser eit trekanta skjold med eit framovervendt Kristus- eller helgenhovud med hals og krossglorie rundt hovudet (fig. 40). Dette er også siste gong eg kan sjå at han er omtalt. På bakgrunn av at han var kongeleg ombodsmann på Voss kan han minst plasserast i den lokale eliten.

SAK 289: 30. juli 1345, Bergen: Vitnebrev frå Holte Torgrimsson, gulatingslagmann, og Odd Halleson. Dei var til stades i øvste stova i Fatten i Bergen då **Sigurd «Jattadar»** og kona hans **Gudrid Arnfinnsdotter**, vedgjekk at dei hadde selt til **Valtjov Bårdsson** 3 mmb i Giljarhus (Vst 72) i Oppeim sokn på Vossestrand, og bror hennar **Tord Arnfinnsson** vedgjekk å ha selt til Valtjov 1 ½ mmb i «ditla husi» i Vinje (Vst 3) og 1 ½ mmb i Bidne (Vst 1) i Vinje sokn. Dei vedgjekk også å ha fått full betaling.⁹⁰⁵

Sigurd «Jattadar», kona hans **Gudrid Arnfinnsdotter**, og **Tord Arnfinnsson**, bror hennar, har eg ikkje funne meir om, og dei let seg dermed ikkje identifisera nærare.

Valtjov Bårdsson opptreir derimot i ei rekkje brev mellom 1345 og 1370,⁹⁰⁶ og er involvert i fleire av sakene nedanfor (290, 297, 297, 299, 301 og 304). Sjå dessutan tavle 6 på s. 230. Han må ha vore gift to gonger, ettersom sonen Bård Valtjovsson ikkje kan vera frå ekteskapet hans med hustru Brynhild Sigurdsdotter (sjå s. 235). Ekteskapet med hustru Brynhild medførte også at Valtjov budde på Rogne ei tid.⁹⁰⁷ Valtjov må etter alt å døma også reknast til aristokratiet på Voss, ikkje minst på bakgrunn av hustrutittelen hjå kona hans.

SAK 290: 20. november 1346, Bergen: Mandat frå Tore, offisial i Bergen, til sira Eindride Petersson på Vangen og sira Eirik Vikingsson på Evanger: Han har fått ei klage frå **Håvard Ulvsson**, som hevdar at sira **Erling i Vinje** fråheld han farsarven sin, 7 mmb i Skjerveggen (Eva 52).⁹⁰⁸

Den 30. januar 1347 utferdar Eindride Petersson og Eirik Vikingsson, prestar på Vangen og Evanger, eit provsbrev til sira Tore, offisial i Bergen: Partane sira **Erling i Vinje** og **Håvard Ulvsson** møtte, og Håvard klaga over at sira Erling og hans bror **Valtjov [Bårdsson]** (sjå

901. Jf. RN V, nr. 601.

902. DN II, nr. 232; RN V, nr. 209.

903. DN I, nr. 304; RN V, nr. 911. Feildatert i DN til 29. januar 1347.

904. DN III, nr. 245; RN V, nr. 935.

905. DN XXI, nr. 73; RN V, nr. 782.

906. Jf. namnregistra i RN V–VII.

907. Jf. Kindem 1933, s. 258–259.

908. DN I, nr. 299; RN V, nr. 900.

ovanfor) fråheldt han 7 mmb i øvre og nedre Skjerveggen, som var farsarven hans. Men sira Erling kravde dei som brorsarv. Håvard lot Ingebjørg Torsteinsdotter og Sigrid Erlendsdotter vitna at dei var til stades då Håwards far, Ulv, betalte til sin frende **Ørnulv** 5 kyrlag for nedre Skjerveggen, med samtykke av Ørnulvs mor Gyda. Det var då sira Bratt var prest på Evanger. Håvard lot også Gudleik Ormsson og Asle Sigurdsson vitna at dei var til stades for 17 vintrar sidan (omlag 1330), då Ulv «bukr» (sjå s. 230) kravde av Ørnulv 7 laupar i landskyld av Skjerveggen, men Ørnulv sa at det enno vanta 7 kyrlag i betaling for jorda.⁹⁰⁹

Den 12. juni 1347 vitnar Brynjulv Brynjulvsson og Arnbjørn Bjørnsson, kongens ombodsmenn på Voss, og Halldor Duk, følgjande: Kom på stemne for dei **Håvard Ulvsson** og **Valtjov Bårdsson** (sjå ovanfor). Håvard førte vitner på at **Ulv Håvardsson** (sjå s. 230) og, på den andre sida, **Ørnulv på Skjerveggen**, hans mor Gyda og hans kone Sigrid, handtokst på at Ulv skulle ha forkjøpsrett til øvre og nedre Skjerveggen.⁹¹⁰

Håvard Ulvsson er sonen til Ulv Håvardsson (sjå s. 230, jf. tavle 6 på s. 230), og opptretr første gong her i denne saka. Ut over det er han nemnt i nokre brev frå 1370-åra, men dei omhandlar vitneprov om noko som etter alt å døma gjekk føre seg midt på 1340-talet (sjå sak 310 og 317). I brevet frå 1375 vert han omtalt som Håvard Bukk. Han må reknast til den lokale eliten.

Sira Erling i Vinje er i denne saka omtalt som bror til Valtjov Bårdsson, samstundes som han krev brorsarv etter Ulv Håvardsson på Vestreim. Den mest nærliggjande løysinga på dette er at dei har sams mor, men forskjellig far. Sira Erling i Vinje er nemnt første gong i 1342, då biskop Håkon av Bergen gjev mandat til leigepresten Knut Oddsson på Vangen til å stemna sira Erling for biskopen. Biskopens råds menn klaga over at sira Erling ikkje sender inn tienden og ikkje avlegg rekneskap, korkje for tienden, landskylda eller andre saker. Dessutan skulda han pengar til nokre tyske menn i Bergen.⁹¹¹ Ut over det har eg berre funne han omtalt i denne saka. Eg vel å rekna han til dei lokalgeistlege, trass i at han har ein bror som må reknast til aristokratiet.

Ørnulv på Skjerveggen har eg ikkje funne omtalt andre stader, og han er dermed vanskeleg å identifisera nærare. På bakgrunn av frendskapet til Ulv Håvardsson, kan ein argumentera for tilhørsle til den lokale eliten, men ein slik argumentasjon er i knappaste laget.

909. *DN* I nr. 304; *RN* V nr. 911, feildatert til 29. januar i *DN*.

910. *DN* III, nr. 245; *RN* V, nr. 935.

911. *DN* V, nr. 158; *RN* V, nr. 528.

SAK 291: 30. mai 1348, Vossevangen: Vitnebrev frå Halldor Duk og Arnfinn [Halldorsson] Duksson. Dei var til stades då **Gudleik Ogmundsson** handtokst med **Eirik Erlendsson** (sjå s. 216), og vedgjekk at Eirik Erlendsson åtte Oddeteigen (under Himle, Voss 202–203) ovanfor allmannavegen oppunder Møns garden frå «Ordælo vaðe» og fram til «Halm skrindu liði», og frågjekk alle krav på denne eigedomen.⁹¹²

Gudleik Ogmundsson har eg ikkje funne omtalt andre stader enn i dette brevet, og han let seg dermed ikkje identifisera sikkert. I 1329 opptret det rett nok ein Gudleik Ogmundsson som underfehirde i Bergen, men han kan like gjerne vera identisk med ein med same namn frå Nordfjord (sjå s. 404), trass i at han skriv ut kvittering til vossingane Alvfinn i Gjerde og Ogmund Ivarsson for at dei har ført leidangen av Voss til Bergen.⁹¹³

SAK 292: 6. august 1350, Finne på Voss: Rettsavgjerd frå Halldor Olavsson, Arnfinn Duksson, Askjell Øysteinsson, Vemund Sigurdsson, Besse Toresson og Eiliv Sigurdsson: Dei var oppnemnte til å taksera godset på Finne, på vegne av partane **Hallstein Josteinsson** og **Ingebjørg Simonsdotter** i ombod for barnet sitt, som var dømt arving til **Eirik Bukk** (sjå s. 216) [og] barna hans («Jngibiargar Simunar dottor j vmbode barns sins, þes er dømt var Eriks bokka a Finnini æruingi barna adrnefs Eriks bonda»). Partane lova å halda rettsavgjerda vedrørande det Hallstein hadde tapt av di han hadde styrt Finnegodset. I staden for den tapte avlinga av 12 mmb i Honve (Voss 33–34) skal han ha avlinga av 12 ½ mmb i Seim (Voss 42), som høyrte til Finne, for eitt år (unnateke 12 såld til såkorn). I godtgjersle for tapt avling av Hallsteins gard Saue (Voss 241–242),⁹¹⁴ 15 mmb, og for arbeidet med styringa, får han to gonger 8 kyrlag og ein kjele attpå.⁹¹⁵

Ein gong, kort etter 16. juni 1351, i Bergen, utferdar Torstein Jonsson, Gulatings lagmann, eit domsbrev. **Hallstein Josteinsson** og motparten **Ingebjørg Simonsdotter** i ombod for barnet sitt møtte for han. Ingebjørg var stemna, og Hallstein klaga over at ho ikkje retta seg etter dommen om vederlag til Hallstein for styringa hans med Finne-godset («Finninzs goodz»). Ingebjørg svara at Hallstein ikkje hadde overlate henne heile godset, slik lagmannen hadde dømt. Hallstein la då fram eit brev om kva han hadde overlate. Lagmannen orskurda at om Hallstein framleis har noko av Finne-godset, då skal han overlata det til Ingebjørg og sanna rekneskapen sin med eid. Det han seier at kona hans fekk i gåve, skal han levera attende dersom han ikkje provar påstanden sin med vitne. Dommen om vederlaget vart dømt lovleg, slik at

912. DN III, nr. 259; RN V, nr. 1056.

913. DN XV, nr. 13; RN IV, nr. 652.

914. Jf. Kindem 1938, s. 498–499.

915. DNI, nr. 321; RN V, nr. 1249.

Ingebjørg skal oppfylla den.⁹¹⁶

På Vossevangen den 17. september 1351 utferdar [Erling] Rott, Arnfinn Halldorsson, Jørund [Arnesson og Bess]e Toresson, eit vitnebrev. Dei var til stades då **Hallstein Josteinsson** svor at han no hadde gjeve frå seg alt han hadde teke imot av Finne-godset, utan [... resten kan ikkje lesast i samanheng]. **Ingebjørg Simonsdotter** var til stades i ombod for barnet sitt.⁹¹⁷



Figur 41. Seglet til Jostein Hallsteinsson på Saue frå 1342 (*NøSigV*, nr. 416).

Hallstein Josteinsson på Saue opptrer første gong i denne tvisten rundt Finne-godset i åra 1350–1352, og har nok på eitt eller anna vis vore nærskyld til den gamle ætta på Finne. Han er tvillaust son til den Jostein Hallsteinsson på Saue som opptrer som brevutferdar i 1342 og 1343,⁹¹⁸ og som vi har overlevert seglet etter. Ettersom seglet til Hallstein ikkje er kjent, gjev eg att seglet til far hans i staden. Ut over desse breva kring Finne-godset har eg ikkje funne noko meir om Hallstein Josteinsson, men eg føler meg på trygg grunn når eg reknar han til den lokale eliten

på Voss. På bakgrunn av våpenseglet til far hans, kan det også argumenterast for å rekna han til aristokratiet.

Ingebjørg Simonsdotter opptrer også første gong i denne tvisten rundt Finne-godset, der ho opptrer på vegne av barnet sitt. Dette barnet må tvillaust vera identisk med Elin Viljalmsdotter (sjå s. 237) som seinare vart gift med Botolv Eindridesson (sjå s. 237). Ingebjørg Simonsdotter opptrer i fleire av sakene nedanfor, og var gift to gonger etter at den elles ukjende Viljalm var død. I 1352 er ho gift med ein **Gunnar Kolbeinsson**,⁹¹⁹ medan ho i 1365 er nemnt kona til **Eiliv Brynjulvsson** (sjå s. 240). Dette er også siste gong eg kan sjå at ho er nemnt i live,⁹²⁰ sjølv om ho, saman med mannen Gunnar, er nemnt i fortid i eit brev frå 1389 (sjå sak 324). Både ho og ektemennene hennar må minst reknast til den lokale eliten, ho sjølv kan henda jamvel til aristokratiet, ettersom ho har ei dotter som definitivt må reknast til dette. Eg har nedanfor sett inn ei tavle som viser ein del av slektsamhengane.

916. DN II, nr. 308; RN VI, nr. 27.


917. DN II, nr. 309; RN VI, nr. 88.

918. DN I, nr. 281 (1342); DN VI, nr. 167 (1343). Jf. Kindem 1933, s. 180, og Kindem 1938, s. 498–499.

919. DN I, nr. 330; RN VI, nr. 128.

920. DN I, nr. 385; RN VI, nr. 1057.

Tavle 7. Ingebjørg Simonsdotters slektskrins



SAK 293: [26. august 1352–25. august 1353], Hole på Vossestrand: Vitnebrev frå sira Eirik Andresson, prest på Vossevangen, Jørund Arnesson og Arnfinn Halldorsson. Dei var til stades på Hole i Vinje sokn på Voss i bryllaupet til Bård Valtjovsson og **Gyrid Guttormsdotter**. Der lét **Brynhild Sigurdsdotter** lysa at ho gav Gyrid i heimanfølgje 5 mmb i Ullestad (Voss 44–45) i Vangen sokn på Voss.⁹²¹


Brynhild Sigurdsdotter opptreer første gong i dette brevet. Ut over det opptreer ho også i nokre seinare brev (sjå sak 304, 311, 315, 318 og 319), som alle er inntekne nedanfor. I ei stemning frå kong Håkon dagsett 1378 (sak 318) er ho omtalt med hustrutittel, noko som vitnar om sannsynleg væpnarrang hjå ein av ektemennene hennar, medan det i 1380 (sak 319) kjem fram at ho hadde ein brorson som heitte Sigurd Guttormsson (sjå s. 250). Kor vidt hustru Brynhild då framleis var i live, er usikkert. Dette er også siste gong ho er nemnt. I 1370 (sak 304) kjem det fram at ho var gift med Valtjov Bårdsson (om han, sjå s. 231), men samstundes at ho hadde vore gift tidlegare, og at ho hadde arva borna sine frå dette ekteskapet. Den første ektemannen hennar må ha vore Svein Halleson på Rogne (om han, sjå s. 213). Hustru Brynhild kan trygt reknast til aristokratiet. På bakgrunn av namna i slekta hennar (jf. tavle 8) har det vore hevda at ho må ha tilhørt slekta på Torsnes i

921. DN XV, nr. 19; RN VI, nr. 240.

Jondal (om denne, sjå kap. 4.20). Lars Hamre har likevel peika på at sjølv om namn, kronologi og sosial status høver godt med ei slik hypotese, synest ikkje seglmerket til brorsonen Sigurd Guttormsson (fig. 47 på s. 250) å støtta opp under dette.⁹²² På den andre sida treng ikkje ulikskap i seglmerke indikera at to personar ikkje er i slekt med kvarandre.

Gyrid Guttormsdotter er truleg ei søster av Sigurd Guttormsson i 1380-brevet, og såleis ei brordotter av hustru Brynhild Sigurdsdotter.⁹²³ Eg har ikkje funne meir om henne, men på bakgrunn av det miljøet ho er ein del av, kan også ho reknast til aristokratiet.

Tavle 8. Brynhild Sigurdsdotters slektskrins (jf. tavle 23 på s. 365, Torsnes-ætta)



Figur 42. Seglet til Bjørn Jonsson frå 1359 og 1368 (*NaSigV*, nr. 690).

SAK 294: 5. mars 1359: Salsbrev frå **Bjørn Jonsson**: Han har selt 1 ½ mmb i Byrkjo (Voss 29) i Vangen sokn på Voss til **Erling Sigurdsson**.⁹²⁴

Under brevet heng også seglet til **Bjørn Jonsson** (fig. 42). Det viser eit trekanta skjold innehaldande ei kløyvd lilje. Ut over salsbrevet frå 1359 opptretr Bjørn Jonsson som brevutferdar i 1364, då saman med mellom anna Erling Sigurdsson,⁹²⁵ og i 1368.⁹²⁶ Ut frå

dette, samt våpenmerket i seglet hans, må han minst reknast til den lokale eliten på Voss.

922. L. Hamre 1949, s. 106. Kindem 1933, s. 258, hevdar (etter G. Munthe 1835a, s. 626) at ho derimot var dotter av ein Sigurd Hallvardsson, som igjen var son av Hallvard Snjalle (Kindem skriv «Hallvard Skjalg»).

923. Kindem 1933, s. 259, hevdar at ho er ei dotter av Guttorm Halleson på Rogne, men dette kan ikkje vera rett.

924. *DN* I nr. 362; *RN* VI, nr. 557.

925. *DN* I, nr. 383; *RN* VI, nr. 972.

926. *DN* I, nr. 402; *RN* VI, nr. 1272. Brevet er feildatert i *DN*.

Kjøparen, **Erling Sigurdsson**, opptrer som brevutferdar i fleire brev frå mellomalderen, fleire gonger også med tilnamnet «rott», det vil truleg seia «på Røte».⁹²⁷ Også seglet til Erling Sigurdsson er kjent frå fleire brev, det første frå perioden 1342–1352 (sjå fig. 43) og det siste frå 1370.⁹²⁸ Seglmerket inneheld eit trekanta skjold med eit dyrehovud vendt mot høgre. Første gong Erling opptrer i kjeldene er i 1339, siste gong i 1370, og med unnatak for brevet frå 1359, og eit brev frå 1365 der han vert oppnemnt som ein av medlemmene i ein dóm,⁹²⁹ er det anten som brevutferdar eller som vitne han opptrer.⁹³⁰ Til liks med Bjørn Jonsson er det rimeleg å rekna han til den lokale eliten, og kan henda aristokratiet.



Figur 43. Seglet til Erling Sigurdsson slik det framstår mellom 1342 og 1352 (*NoSigV*, nr. 421)

SAK 295: 26. februar 1364, [Finne på Voss]: Vitnebrev utferda av Jon Trondsson, prost på Vossevangen, Bjørn Jonsson, Arnfinn Halldorsson og Erling Sigurdsson: Dei var til stades då **Botolv Eindridesson** og **Elin [Viljalmsdotter]**, kona hans, handtokst med **Steingrim på Mo**. Botolv tok tilbake 4 mmb i Spildo i Angr (Gra 89–90) som Steingrim på Mo hadde kjøpt unna Elin medan ho var umyndig. Dessutan gav Steingrim han 3 kylag, og med det var dei forlikte.⁹³¹

Steingrim på Mo har eg ikkje funne omtalt i andre kjelder, og han er dermed ikkje mogleg å identifisera nærare.

Botolv Eindridesson var opphavleg frå Kvam i Hafslo, og var son av Eindride Botolvsson (sjå s. 318 i kap. 4.13). Han er part i ei rekkje av sakene nedanfor. Eg kan ikkje sjå at Botolv Eindridesson nokon sinne opptrer i kjeldene i offentleg ombod, og han er aldri omtalt med tittel av noko slag. Seglet hans har vi heller ikkje overlevert. Han kan trygt plasserast i aristokratiet. Første gong han opptrer i kjeldene er i 1359 (sjå sak 441), og eit brev frå 1362 (sjå sak 442) viser at han må ha hatt arverett til jordegodset etter Birgit Bårdsdotter (sjå s. 313). Dette brevet frå 1364 er første gong han opptrer på Voss, og han er då alt gift med **Elin Viljalmsdotter**. I 1376 (sjå sak 313) er han gift på nytt med Åsa Håvardsdotter (sjå s. 248). Truleg døydde første kona hans i mannauden 1370,⁹³² ettersom eit vitnebrev dagsett mellom 9. august 1379 og 17. august 1380 fortel at Elin Vil-

927. Jf. *RNV*, nr. 209, note.

928. Sjå *NoSigV*, nr. 866. Seglet er tilnærma likt det som vert nytta mellom 1342 og 1352.


929. *DN VI*, nr. 266; *RN VI*, nr. 1086.

930. *DN II*, nr. 231 (1339); *DN V*, nr. 150 (1341, som vitne); *DN I*, nr. 281 (1342); *DN I*, nr. 23 (1351); *DN II*, nr. 309 (1351); *DN I*, nr. 330 (1352); *DN I*, nr. 383 (1364); *DN XXI*, nr. 119 (1365); *DN XXI*, nr. 212 (1366); *DN II*, nr. 411 (1370).

931. *DN I* nr. 383; *RN VI*, nr. 972.

jalmsdotter døydde på Finne i mannauden, og hennar og Botolv Eindridessons to søner, Eindride og Samson, då var friske og levde etter at mor deira var død.⁹³³ Åsa Håvardsdotter opptrer som regel med hustrutittel, noko som indikerer at Botolv Eindridesson må ha vore væpnar. I 1384 vitnar to lagrettemenn i Sogn at Botolv Eindridesson er rett odelsmann til indre tunet i Kvam (Haf 43/45) på ytre Folk i Hafslo sokn i Sogn.⁹³⁴ Siste gong eg kan sjå at Botolv Eindridesson er nemnt i live er i 1387 (sjå sak 321), og truleg er han død før 20. juli 1389, ettersom eit vitnebrev dagsett Vossevangen den 13. mars 1390 fortel at utferdarane var på Vangen på Voss den 20. juli [1389] då hustru Brynhild Josefsdotter (sjå s. 324) gav borna til Botolv Eindridesson på Finne, Håvard (sjå s. 259), Odd (sjå s. 259) og Ragna, all den rett som Brynhild hadde til arv etter Sigrid, Torstein Skolles dotter, dersom Sigrid skulle døy før Brynhild, med ein tredel til kvart av borna.⁹³⁵

Tavle 9. Den yngre slekta på Finne (sjå dessutan tavle 15 på s. 314)



Vitnebrevet frå 1379/1380 som er referert ovanfor, har som regel vorte teke til inntekt for at sønene frå Botolvs første ekteskap med Elin Viljalmsdotter, Eindride og Samson, også var døde då vitneprovet vart teke.⁹³⁶ Det er i utgangspunktet ei rimeleg tolking, også av di desse to sønene ikkje

932. Ho er sist nemnt i live i 1366, og Botolv Eindridesson er gift med Åsa Håvardsdotter seinast i 1376. Dermed vert 1370 det einaste peståret ein kjenner til i denne perioden. Jf. Moseng et al. 1999, s. 273.
 933. *DN* I, nr. 462; *RN* VII, nr. 892, feildatert i *DN*.
 934. *DN* I, nr. 488; *RN* VII, nr. 1166.
 935. *DN* II, nr. 518; *RN* VII, nr. 1585. Sjå dessutan sak 446.
 936. Sjå t. d. Y. Nielsen 1880b, s. 48–49.

er nemnte i gåvebrevet frå hustru Brynhild Josefsdotter i 1389. Det omtalar berre borna frå andre ekteskap. No var etter alt å døma hustru Brynhild dotter av Josef Karlshovudsson og kona hans, Åsa.⁹³⁷ Andre kona til Botolv Eindridesson heitte også Åsa, noko som kan indikera at slektskapet mellom hustru Brynhild og Botolvs barn gjekk gjennom deira respektive mødre, og ikkje gjennom Botolv sjølv.

Den vanlege forklåringa på at Botolv Eindridesson og etterkomarane hans frå andre ekteskap vart sitjande med Finne-godset etter at Elin Viljalmsdotter var død, er at sønene Eindride og Samson arva mora, og deretter døydde dei og vart i sin tur igjen arva av faren. Dette er vel og bra etter Landslova.⁹³⁸ Men i kong Håkon 5. Magnussons store rettarbot frå 1313, er ikkje dette lenger lov. Då kan ektemannen berre sitja med godset for si levetid, før det skal falla attende til dei næraste odelsarvingane.⁹³⁹ No finnest det likevel eksempel frå seinmellomalderen der dette ser ut til å vera suverent sett vekk frå, til dømes hjå Hartvig Krummedike,⁹⁴⁰ men rettarbota finnest likevel i så mange avskrifter⁹⁴¹ at den må ha vore godt kjend.⁹⁴² Dermed skulle ikkje arvingane etter hustru Åsa Håvardsdotter kunna sitja med Finne-godset dersom det var slik arvegangen var. Dette opnar for andre løysingar på spørsmålet.

Eit anna, og relatert spørsmål, er dessutan kvifor ingen av etterkomarane til Åsa Håvardsdotter og Botolv Eindridesson ser ut til å eiga jordegods i Sogn. Det går fram av fleire brev at Botolv eig jord i Sogn, og i 1384 vert det sagt rett ut at han er rett odelsmann til storgarden Kvam i Hafslø.⁹⁴³ Det er difor underleg at ingen av etterkomarane hans sit med jordegods i Sogn. Ei løysing på dette kan rett og slett vera at sønene – i det minste ein av dei – frå ekteskapet med Elin Viljalmsdotter ikkje døydde før faren. Det opptrer ein Eindride Botolvsson i Sogn i 1407 og 1421 (sjå s. 325), som

937. Jf. Y. Nielsen 1880b, s. 45–46. At kona til Josef Karlshovudsson heitte Åsa, kjem fram i eit brev frå 1360 (*DN* II, nr. 357; *RN* VI, nr. 647)..

938. Jf. *MLL*, Arvebolken, kap. 7.

939. *Njg*L III, nr. 36, s. 99–100: «Fyrst at upphafe at þar sem barn tok arf eptir modor sina skilfengna oc faðr eptir sama barn ef þat atte eigi skilgetit barn eptir sik. Þa skal faðr heðan af eigi meira erfa eptir barn sitt oc hans erfingiar en allt lausa goðz æfenliga. En eignir allar skal hann eiga oc hafa oc i uirðar setiazt vm alla sina lifdaga. En eptir hans daga take sa eignir allar er erfðom er nestr eptir þat sama barn þær sem barnit erfði eptir modor sina kall eða koma i modor leggen. Þeir þo er af þeirri atkuislinni eru komnir er þær iarðer oc goz er utt af komit. Samu leið skal oc fara ef modir erfir barn sitt þat sem aðr hafðe erft faður sinn. Skal þessi erfð ganga i almenniligu erfða tale en eigi vm konongs erfð.»

940. Eske Billes arkiv i *DRA* inneheld eit par brev frå kring 1550 som fortel om korleis Hartvig Krummedike på 1400-talet vart sitjande med Brunla-godset. Brevna vert trykte i *DN* XXIII, som er under arbeid. Hartvig Krummedike har nok også vore såpass mektig at det dette tilfellet kan ha vore eit eksempel der «makta rår».

941. Jf. liste over handskriftene i *Njg*L III, s. 98.

942. Jf. dessutan saka om Ståreim i 1320-åra (sjå kap. 4.18).

943. *DN* I, nr. 488; *RN* VII, nr. 1166.

høver godt kronologisk som son til Botolv Eindridesson. Grunnen til at Botolv vart sitjande med Finne-godset kan dermed vera at han gjorde eit makeskifte med sonen Eindride, slik at Botolv fekk jordegodset på Voss, inklusive Finne, mot at Eindride fekk Sognegodset. Ei slik løysing er enkel og liketil, og forklårar greitt kvifor ikkje nokon av etterslekta til Botolv og Åsa sit med jordegods i Sogn, samstundes som det forklårar kvifor Finne-godset enda opp hjå nettopp etterkomarane til Botolv og Åsa, og ikkje hjå Elin Viljalmsdotters arvingar slik det skulle gjort etter lova. Eg må likevel understreka at dette berre er ei hypotese, som det ikkje eingong er mogleg å prova ut frå kjeldesituasjonen.

SAK 296: 28. mai 1365, Vossevangen: Skiftebrev utferda av biskop Gisbrikt: Møtte for han **Eiliv Brynjulvsson** og **Ingebjørg Simonsdotter** (sjå s. 234), kona hans, og motparten **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) og **Elin Viljamsdotter** (sjå s. 237), kona hans. Dei handtokst og gjorde semje om skiftet mellom Ingebjørg og Elin, dotter hennar. Sira Jon på Vangen, Bjørn Arnbjørnsson, Halldor Duk og Bjørn på Hakastad samtykte. Botolv og Elin overlot til evig eige for Ingebjørg 10 mmb i Spildo i Angr (Gra 89–90), 4 mmb i Teigen i Jondal (Jon, forsv) og eplehagen på Haustveit i Ullensvang sokn (Ull 69). Tolo i Vikøy sokn (Vikøy 32) overlét dei til Ingebjørg for levetida hennar, sidan skal den falla attende til Elin.⁹⁴⁴



Figur 44. Seglet til Eiliv Brynjulvsson frå 1371 (NoSjgV, nr. 793).

Eiliv Brynjulvsson er det, trass i ulike våpenmerker i segla deira, rimeleg å rekna som son til Brynjulv Brynjulvsson (sjå s. 218; jf. tavle 7 på s. 235), ikkje minst på bakgrunn av dei openberre felles jordegodsinteressene i Spildo i Granvin. At Eiliv Brynjulvsson var gift med **Ingebjørg Simonsdotter** (sjå s. 234), vermor til Botolv Eindridesson på Finne, bidreg til å understreka ein nokså høg sosial status, og han må i alle høve plasserast i den lokale eliten. Ut over dette brevet og eitt frå 1371 (sjå sak 623), kan eg ikkje sjå at Eiliv Brynjulvsson er omtalt i live i andre kjelder. Etter alt å døma var han avliden før den 27. juni 1380 (sjå sak 623). Dei øvrige involverte i denne saka er handsama ovanfor.

SAK 297: [13. juni 1365], [Voss]: Vitnebrev frå Eiliv Sigurdsson, kongens ombodsmann på Voss, Arnfinn Halldorsson og Arnbjørn Gislesson. Dei var tilkalla av sira Jon, hovudprest på Voss, og **Valtjov på Rogne** (sjå s. 231), for å etterrøkja kva skade presten har gjort Valtjov med å byggja kvern på Tvilde-landet (Voss 89), slik han har rett til. Presten ville retta seg etter

944. DNI nr. 385; RN VI, nr. 1057.

det dei kom fram til, men Valtjov nekta dei å døma i saka. Arnbjørn Gislesson i ombod for **Olav Bessesson** nekta for at Valtjov har noko rett over [dam]festet[?] på Tvilde-landet, med omsyn til det Olav eig i Tvilde etter far sin.⁹⁴⁵

Truleg den 19. november 1365(?) utferdar Arnfinn Halldorsson, Eiliv Sigurdsson, Erling Sigurdsson, Arnbjørn Gislesson, Erling Halldorsson og Odd Jørundsson, eit domsbrev. Etter bod frå kong Håkon, og i nærvere av **Valtjov på Rogne**, var dei og såg på kvernene som sira Jon på Vangen har sett opp på Tvilde-landet, og som Valtjov seier seg å ha skade av. Dei fann at Valtjovs kverner ikkje tek skade, og dømmer at kvernene skal stå slik dei står.⁹⁴⁶

Olav Bessesson har rimelegvis budd på Tvilde, og tilhøyrrer ei slekt som kan følgjast i bortimot 200 år på same garden. Eg har funne det mest fornuftig å handsama heile dette folket under eitt (sjå sak 393). **Valtjov [Bårdsson] på Rogne** er handsama tidlegare.

SAK 298: [12. mars 1366], [Vossevangen]: Vitnebrev frå Eiliv Sigurdsson og Eindride Steinarsson. Dei var til stades då **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) og kona hans **Elin Viljalmsdotter** (sjå s. 237) gav kyrkja og presten på Vangen eit møllestøe i Finne-åa der nede som ho greinar seg. Prestane skal halda [årtidene] til Eirik Bukk, Elins far Viljalm og søstera hans, Bothild.⁹⁴⁷

Desse to er handsama ovanfor.

SAK 299: 18. februar 1367, [Bergen]: Vitnebrev utferda av Arne Toresson og Asgeir Audunson. Dei var til stades då **Bjarne Sveinsson** («Biorne Svueinsson») handtokst med **Hallstein Bårdsson** og selde han halve Gylten i Peterskyrkjas sokn i Bergen for 18 forngilde mark.⁹⁴⁸

Bjarne Sveinsson har eg ikkje funne meir om ut over dette brevet og eit brev frå 1370, der søster-sonen hans opptrer (sjå sak 305). Ettersom han eig ein halv bygard i Bergen, er det likevel grunn til å rekna han til ein lokal elite. Han kan moglegvis også vera far til den Olav Bjørnsson som i 1372 tek imot betaling for Gylten av Hallstein Bårdsson (sjå sak 306), men dette er høgst usikkert.

945. DN XXI, nr. 117; RN VI, nr. 1059.

946. DN XXI, nr. 119; RN VI, nr. 1088.

947. DN XXI, nr. 120; RN VI, nr. 1102.


948. DN II, nr. 392; RN VI, nr. 1190.



Figur 45. Seglet til Hallstein Bårdsson, kan henda frå 1361 (*NoSigV*, nr. 740).

Hallstein Bårdsson er omtalt i fleire av sakene nedanfor, dei fleste av dei vedrørande nettopp bygarden Gylten i Bergen. Truleg er han død før 3. juni 1376 då kong Håkon gjev barnebarna hans ein del av bygarden. Kongen nemner då Hallstein Bårdssons tru teneste som bakgrunn for gåva (sjå sak 312). Ut frå dette må ein vel rekna med at han har hatt kongsombod av ein eller annan art, noko som gjer det rimeleg å rekna han til aristokratiet. I 1377 kjem det også fram at han åtte jord i Ringheim på Voss (sjå sak 316), noko som kan indikera slektskap til tidlegare eigarar av garden som Andres Pålsson på Ringheim (sjå s. 202). Ut over desse sakene har eg berre funne eitt brev der ein med dette namnet opptrer. Det er i eit brev frå Ryfylke dagsett 26. mai 1361, der ein Hallstein Bårdsson er nemnt sist av fire brevutferdarar av eit vitnebrev om jordsal i Jelsa skipreide i Ryfylke. Om dette er same mann er uvisst, men ikkje usannsynleg. Huitfeldt-Kaas reknar med at det er under dette brevet at det seglet ein har etter Hallstein Bårdsson har vore festa. Seglet finnest nemleg no i NRAs samlingar av lause sigill.⁹⁴⁹ Eit problem med dette er likevel at brevet frå 1361 truleg aldri har vore i Riksarkivet i Oslo, ettersom originalen er å finna i Universitetsbiblioteket i Bergen.⁹⁵⁰ På den andre sida kan eg ikkje sjå at det finnest andre brev der Hallstein Bårdsson er nemnt, der han samstundes er sagt å sigillera. Det er dermed ikkje heilt sikkert at seglet her verkeleg tilhøyrer denne Hallstein Bårdsson. Eg har sett opp ei tavle som viser slektene til dei involverte i sakene kring Gylten.

Tavle 10. Slektskrinsane kring bygarden Gylten i Bergen.



949. *NoSigV*, nr. 740.

950. *DN IV*, nr. 421; *RN VI*, nr. 751.

SAK 300: 13. november 1367, [Bergen]: Domsbrev utferda av Gunnar Hjarrandesson, Gulating og Bergens lagmann. **Vernik Kvit, Sigrid Sigurdsdotter**, kona hans, og motparten deira, **Valtjov Bårdsson** (sjå s. 231), møtte på stemne for han, drottseten i Noreg, Ogmund Finns-son, og mange andre gode menn. Saka galdt 5 mmb i Ullestad (Voss 44–45) i Vangen sokn på Voss, som Sigrid hadde gjeve i bot for Valtjovs son, Bård, som Eirik Ivarsson, mannen hennar, hadde drepe utan overlegg. No sa ho at jorda den gong tilhørte **Arnbjørn [Sigurdsson?]**, bror hennar, som då var umyndig. Men andsynes Svein Ivarsson, verbror sin, som var borgensmann for bota, hadde Sigrid stadfesta bötetransaksjonen etter at ho hadde arva Arnbjørn. Valtjov vart tildømt jorda av lagmannen med samtykke frå herr Ogmund, Erlend Filippusson, Bjørn Arnesson, Holte Gunnarsson og fleire gode menn.⁹⁵¹

Eg kan ikkje sjå at korkje **Sigrid Sigurdsdotter**, bror hennar **Arnbjørn**, eller mennene hennar **Eirik Ivarsson** og **Vernik Kvit** er nemnte i andre kjelder frå mellomalderen, men verbroren hennar kan tenkjast å vera identisk med Svein Ivarsson på Graue, som i 1386 kjøper jord i Bolstad på Evanger (sjå sak 322). Det er dermed vanskeleg å identifisera dei sosialt.

SAK 301: 11. juni 1368, Vossevangen: Vitnebrev utferda av Bjørn Jonsson og Arnbjørn Gisleson: **Valtjov Bårdsson** (sjå s. 231) lyste for dei at han hadde selt ½ spannsbol mindre enn 2 mmb i Bolstad i Evanger sokn (Eva 65) til **Birning Romundsson** og fått 9 kyrlag i betaling.⁹⁵²

Birning Romundsson har eg ikkje funne meir om, og det er dermed uråd å identifisera han nærare. Han har likevel eit så sjeldsynt namn⁹⁵³ at ein må rekna med at det må vera eit ættesamband til den slektskrinsen som i 1402 sel jord i same garden (sjå sak 338). Om det er eit samband til Birning Karleson som er nemnt i ei seinare sak (sjå sak 379), er meir uvisst.

SAK 302: [9. august 1368–17. august 1369], [Vossevangen]: Vitnebrev frå to menn. Dei var til stades då **Hollolv Sau** vedgjekk å ha selt 3 mmb i Grevle (Voss 57) til **Erling Halldorsson**.⁹⁵⁴

Hollolv Sau har eg ikkje funne meir om.

Erling Halldorsson budde på Gjerdskvål (Voss 60), og nemnt første gong då han vert oppnemnt saman med fem andre menn til å dømme i ei sak mot Valtjov på Rogne om kverrvatnet,⁹⁵⁵ noko dei også gjer (sjå sak 297). Han opptrer også som brevutferdar både i 1383 og i 1389 (sjå

951. DN XV, nr. 25; RN VI, nr. 1225.

952. DN I nr. 402; RN VI, nr. 1272, feildatert til 24 oktober i DN.

953. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 142–143.

954. DN XXI, nr. 132; RN VI, nr. 1385.

955. DN VI, nr. 266; RN VI, nr. 1086.

sak 320 og 323), begge gongene er han nemnt først av to utferdarar. Diverre er det ikkje overlevert noko segl etter han. Likevel indikerer det at han vert oppnemnt som medlem av ein dóm, samt rolla som brevutferdar, at han truleg tilhørte den lokale eliten.

SAK 303: 30. september 1369, Vossevangen: Salsbrev frå **Eindride Steinmodsson**. Han har selt 3 ½ mmb i Dagestad (Voss 238) i Vangen kyrkjesokn på Voss til **Orm Halldorsson**, og fått full betaling.⁹⁵⁶

Eindride Steinmodsson har eg berre funne omtalt ein annan stad. Det er då han i 1372 er nemnt som nummer to av fire menn som utferdar eit vitnebrev i Bergen (sjå sak 306). Dette er eit litt for tynt grunnlag til å identifisera han sosialt på.

Orm Halldorsson har eg derimot ikkje funne omtalt andre stader enn her. Kan henda er han far til den Sigurd Ormsson som i 1461 er sagt å ha ått jord i Dagestad (sjå s. 283).

SAK 304: 20. september 1370, Finne på Voss: Vitnebrev utferda av Arnfinn Halldorsson, Erling Sigurdsson og Eiliv Sigurdsson. Dei var til stades 8. mai i Oddsgarden i Bergen då **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) handtokst med **Valtjov Bårdsson** (sjå s. 231) om alt det godset som **Odd Halleson** (sjå s. 213) hadde kjøpt av **Gudbrand Petersson** (sjå s. 215), og som **Brynhild** (sjå s. 235), Valtjovs kone, arva etter borna sine. Valtjov skulle betala Botolv 20 laupslag i gangs pengar for den samla skulda. Det gjekk Brynhild med på. Botolv forlanga likevel full sikring. Valtjov sa då at han ville halda forliket, sjølv om Brynhild ikkje ville det.⁹⁵⁷

Alle dei involverte i denne saka er handsama tidlegare.

SAK 305: 22. desember 1370, Bergen: Vitnebrev utferda av Gudbrand Alvsson og Are Jons-son. Dei var til stades då **Ogmund Åmundesson** («Augmundr Amunda son») selde til **Hallstein Bårdsson** (sjå s. 242) halve Gylten i Peterskyrkjas sokn i Bergen, etter den avtalen om sal som Ogmunds morbror **Bjarne Sveinsson** (sjå s. 241) hadde gjort med Hallstein Bårdsson. Avtalen gjekk ut på at Hallstein skulle betala til Bjarne eller Ogmund sjølv dei pengane som stod att etter ei tidlegare avtale, medan Ogmund til vederlag skulle overdra til Hallstein alle dei kjøpebrev som galdt garden.⁹⁵⁸

Ogmund Åmundesson har eg ikkje funne meir om enn det som går fram av brevet her. Eg meiner likevel det er rimeleg å rekna han til den lokale eliten på bakgrunn av byeigedomen han sit med.

956. DN XVIII, nr. 26; RN VI, nr. 1405.

957. DN II, nr. 411; RN VII, nr. 64.

958. DN II, nr. 413; RN VII, nr. 85.

SAK 306: 20. oktober 1372, Bergen: Vitnebrev utferda av Sigurd Toresson, Eindride Steinmodsson, Eindride Eriksson og Olav i Vestvik. Dei var til stades då **Hallstein Bårdsson** (sjå s. 242) betalte **Olav Bjørnsson** («Olafue Biarnarsyni») og mor hans **Ragna** 9 forngilde mark i gardverd for halve Gylten som ligg i Peterskyrkjas sokn.⁹⁵⁹

Med omsyn til **Olav Bjørnsson** og mor hans, **Ragna**, gjeld det same som for Ogmund Åmundesson. Trass i at eg ikkje har funne meir om dei, er det på bakgrunn av byeigedom rimeleg å rekna dei til ein lokal elite. Kan henda er også Bjarne Sveinsson (sjå s. 241) far til Olav og mannen til Ragna.

SAK 307: 6. desember 1373: Vitnebrev frå Eiliv Sigurdsson, Birning Ivarsson og Hallstein Gardarsson. Nemnte Birning og Hallstein samt **Hallstein Hallfinnsson** var til stades då Oppeim (Voss 180) i Kvitle åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, vart delt i to like store delar. Delane vart takserte(?), og Hallstein Hallfinnsson valte den nedre delen av garden og øvre stova. Vidare er **Asbjørn Eiriksson** vorte eigar av egedomen [evt husdyra på garden] etter takst(?).⁹⁶⁰

Eg har heller ikkje funne meir om desse.

SAK 308: 4. januar 1374, Foss i Hjelmeland: Vitnebrev om gåver utferda av Sigurd Ånundsson, prest på Hjelmeland, Nikulas Olavsson og Torstein Egde: Dei var til stades då **Jørund Arnesson** og **Gyrid Hallbjørnsdotter**, kona hans, utveksla jamningsgåver. Jørund gav Gyrid 30 laupsbol i øvre Ringeim på Voss (Voss 50) og 100 mark laust gods. Gyrid gav Jørund 30 laupsbol i Onarheim i Sunnhordland (Tys 152) og 100 mark laust gods. Sidan gav dei kvarandre fjerdinggåve og tiendegåve, både av jord og lausøyre som dei då åtte eller kom til å eiga.⁹⁶¹

Jørund Arnesson er nemnt første gong i 1351, og opptrer ei rekkje gonger i sakene nedanfor. Det ser ut til at han alt i 1374 er busett på Foss i Hjelmeland i Ryfylke, men han var opphavleg vossing, og son av Arne Rev Jørundsson (sjå s. 220; jf. tavle 5 på s. 221). Korleis han var komen til Foss, veit ein ikkje.⁹⁶² I 1376 kallar han seg systemann på Voss då han avhendar noko jord til hustru Åsa Håvardsdotter (sjå sak 313). Dette åleine er nok til å rekna han til aristokratiet. Siste gong eg har funne han nemnt i live er då



Figur 46. Segla til Jørund Arnesson frå høvesvis 1351 og 1376 (t.h.). (*NoSigV*, nr. 587 og 957).

959. DN II, nr. 424; RN VII, nr. 308.

960. DN XXI, nr. 148; RN VII, nr. 404.

961. DN I nr. 426; RN VII, nr. 409.

han gjev ein bygard i Bergen til Munkeliv kloster i august 1401 (sak 335). Den 25. mars 1402 er han nemnt i fortid som frisk på sinnet men sjuk på lekamen (sak 339). Truleg er han død mellom desse to datoane. Jørund Arnessons segl og våpenmerke er kjent frå fleire brev. Dette er høgst interessant som døme på personleg våpenføring. Seglet frå 1376 inneheld eit skjold med ei mot (heraldisk) høgre oppovergåande rev, med hjelm på hovudet, og med to økser oppå hjelmen med eggane mot kvarandre. Det same motivet er det nok ein finn også i seglet frå 1351, med unnatak for manglande skjold, og at reven der går bortover, ikkje oppover. Samanliknar ein med våpenet til Arne Jørundsson (fig. 36), ser ein at Jørund fører eit våpenmerke som ser ut til å vera ein kombinasjon av farens våpenmerke og tilnamnet hans!

Gyrid Hallbjørnsdotter opptretr også første gong i dette brevet frå 1374. Ho har etter alt å døma vore frå Onarheim på Tysnes, der ho også gjev jord i jamningsgåve til Jørund Arnesson i 1374. Det er også der ho ser ut til å vera busett i 1403 og 1410 (sak 343, 484 og 345). Rimelegvis har ho tilhørt den gamle ætta på Onarheim som er handsama i kap. 4.34, og var vel dotter til Hallbjørn Sigurdsson (sjå s. 419). Ho må sjølvsgt også reknast til aristokratiet.⁹⁶³

SAK 309: 3. april 1374, Bergen: Pantebrev utferda av **Eindride Sveinsson**. Han pantset garden Straume (Bru 60) i Stamnes sokn på Voss, til **Hallstein Bårdsson** (sjå s. 242) og hans arvingar for 27 mark, som skal innløysast innan 3 vintrar.⁹⁶⁴

Eindride Sveinsson er truleg identisk med han som i Stavanger 1362 på vegne av seg sjølv og ein Ottar Arnesson hadde stemna Sigurd Ogmundsson i ei sak om garden Viggnes i Finnøy i

962. Steinnes 1951a, s. 131, peikar på at det budde ein elles ukjend riddar Olav på Foss i slutten av 1200-åra, og sonen hans Åsolv Olavsson er nemnt på Foss i 1302. Kan henda var Jørund Arnesson ein slektning av desse to.

963. Arven etter Gyrid Hallbjørnsdotter er omhandla i eit brev dagsett Bergen den 20. juni 1543. Christoffer Huitfeldt, høvedsmann på Bergenhus, Gjeble Pedersson, stiftets formyndar i Bergen, Trond Benkestokk væpnar, Mats Størsson, lagmann i Bergen, Anders Hansson, borgarmeister i Bergen, og Anders Pedersson, rådmann, vedgår at onsdag etter Botolvsmesse 1543 var dei på eit sett lagting på Breideallmenningen i Bergen. Kom då i retten Ingebrigt Pedersson på vegne av hustru Ingrid Ormsdotter, og tiltalte Jørgen Pedersson og Svein Pedersson for noko jordegods som fall etter Ivar på Onareim. Det vart då rekna på skyldskapen mellom dei at Orm, far til Ingrid, og Gunnhild, mor til Ivar på Onareim, var samfedre og sammødre søsken, men på den andre sida var mormor til Jørgen og Svein frillesøster til Ivar på Onareim. Begge partar vedgjekk skyldskapen, og ba retten om å avgjera etter Noregs lov kven som var nest til å ta arven etter Ivar på Onareim. Retten fann at hustru Ingrid Ormsdotters bror, unge «Juan» (vel feil for Ivar?) skulle ta heile arven etter Ivar på Onareim, både laust og fast, men Jørgen og Svein, som er Ivars frillesøsters ekte dottersoner, skulle gjenløysa, «att femtings pening inndra redt werdar era», alle dei odelsjorder som førnemnte Ivar lovleg hadde arva etter sine forfedre og langfedrar, Hallstein bonde på Malkenes, Jardar der same stad, Steine sonen hans, og likeeins dei jordene som Stein Jardarsson arva etter si frenke hustru Gyrid Hallbjørnsdotter, og Andres Steinsson på Onareim, førnemnte Ivars farfar, ettersom deira andre ættleggjar rettlege og granngevelege var opprekna (KB, Thott 1279 fol., pag. 12a–12b; jf. *Norske Magazin*, bd. I, s. 579–580).

964. DN III, nr. 392; RN VII, nr. 419.

Ryfylke.⁹⁶⁵ Dette er i alle høve den einaste andre staden der ein Eindride Sveinsson opptrer, og som høver kronologisk. Noko grunnlag for nærare sosial identifikasjon er det likevel ikkje.

SAK 310: 27. april 1375, Lydvo på Voss: Vitnebrev frå Arnfinn Halldorsson og Eiliv Sigurdsson. Dei var til stades i prestestova på Vangen for vel 30 år sidan (omlag 1345) då **Ingegjerd Torgautsdotter** (sjå s. 225) gav **Håvard Bukk** (sjå s. 232) 7 laupsbol i Gjerme (Voss 26) i Vangen sokn på Voss til fullt eige.⁹⁶⁶

Begge desse er handsama tidlegare.

SAK 311: 3. desember 1375, Rogne på Voss: Vitnebrev utferda av Arne Askjellsson, hovudprest på Vangen på Voss, Binning Guttormsson, prest i Etne, Sigurd Gautsson, Eiliv Sigurdsson og Sigurd Guttormsson. Dei var same dag til stades då **Brynhild Sigurdsdotter** (sjå s. 235) inngjekk avtale med **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) om hus og opphald for seg hjå han mot at Jørund skulle ha 20 mmb jord i Rogne (Voss 49) med alt inkludert utan levande dyr. Jørund lova Brynhild ein kjortel og ei hette annakvart år, lerret for ½ mark kvart år, og slikt bordhald som han sjølv eller kona hans, Gyrid [Hallbjørnsdotter], hadde. Dersom Brynhild lever lengre enn Jørund skal følgjande avtale gjelda: Dersom Jørund ikkje har born med kona si, kan Brynhild anten ta tilbake jorda si og det andre godset sitt, eller opphalda seg med same rett så lenge ho lever hjå arvingane hans. Dersom Jørund har born skal jorda og det før nemnte tilhøyra arvingane hans, utan Brynhilds brente sølv og klede.⁹⁶⁷

Begge desse er handsama tidlegare. Ei heilt likelydande avtale mellom dei to vert dessutan inngått den 7. desember 1376 (sak 315).

SAK 312: 3. juni 1376, Bergen: Gåvubrev frå kong Håkon 6. Magnusson. For **Hallstein Bårdssons** (sjå s. 242) tru teneste har kongen gjeve borna til **Turid Hallsteinsdotter** så stor del i Gylten som Hallstein hadde, på villkår at Jon Stagge skal ta seg betalt av dei som bur i og leiger denne delen av Gylten. Når han har fått betaling, skal Turid råda og bygsla bort denne gardparten på borna sine vegne og motta leige som eigar.⁹⁶⁸

Turid Hallsteinsdotter må vera dotter til Hallstein Bårdsson som er handsama tidlegare (sjå s. 242). Ho opptrer i fleire saker mellom 1376 og 1402. Den Jon Stagge som er omtalt i dette brevet, kunne ein kan henda rekna med var identisk med ektemannen hennar Jon Eiriksson, som er nemnt

965. DN II, nr. 370; RN VI, nr. 840.

966. DN V nr. 281; RN VII, nr. 478.

967. DN II, nr. 442; RN VII, nr. 535.

968. DN I nr. 436; RN VII, nr. 576.

frå 1383 og frametter, men dersom det er rett, kan dei ikkje ha vore gifte enn i 1377 opptrer nemleg ein Erlend Arnesson som ektemannen hennar (sjå sak 316). Ettersom far hennar, Hallstein Bårds-son, må reknast til aristokratiet, er det rimeleg også å rekna Turid til det same sjiktet.

SAK 313: 3. desember 1376, Rogne på Voss (1): Avhendingsbrev frå **Jørund Arnesson** (sjå s. 245), systemann på Voss. Han har avstått til **Åsa Håvardsdotter** 14 mmb i Helleve (Voss 96) i Vinjar åtting på Voss, som han har kjøpt av **Ingemund Sigurdsson. Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) vedgår at han med samtykke frå kona si, Åsa, har kvittert Jørund for det ombodet han hadde for Åsa då ho var umyndig.⁹⁶⁹

Åsa Håvardsdotter er dotter til Håvard Halleson på Rogne (sjå s. 213, jf. tavle 2 på s. 203) og det som truleg er ei søster av Jørund Arnesson (jf. tavle 5 på s. 221, samt note 842 på s. 221). Ho opptrer i ei rad av sakene nedanfor, og er som regel omtalt med hustrutittelen, noko som viser at Botolv Eindridesson må ha vore væpnar, dersom ho då ikkje har vore gift ein gong før.⁹⁷⁰ Ho må sjølv sagt reknast til aristokratiet. Ho opptrer første gong i denne saka frå 1376, og siste gong eg kan sjå at ho er nemnt i live er på Onarheim i 1410 (sak 345). Ho er nemnt i fortid i 1412 (sak 346) utan at det er mogleg å avgjera om ho er død.

Ingemund Sigurdsson har eg ikkje funne meir om, men ettersom Jørund Arnesson er busett i Hjelmeland i Ryfylke er det ikkje usannsynleg at også Ingemund kan ha vore herifrå. Dersom det er rett, er det igjen freistande å tenkja seg eit slektssamband til hirdmannen Ingemund Sigurdsson på Skjervheim i Vats i Ryfylke, som opptrer i fleire brev i tida 1306–1322.⁹⁷¹ Noko meir enn ei rein gissing vert likevel ikkje dette, og «vår» Ingemund Sigurdsson er ikkje mogleg å identifisera nærare. Det kan elles tenkjast eit samband til Ulv Håvardsson på Vestreim (sjå s. 230), som kring 1300 er sagt å eiga 16 mmb i Helleve (sak 247).

SAK 314: 3. desember 1376, Rogne på Voss (2): Kunngjering frå **Jørund Arnesson** (sjå s. 245). Han har korkje selt eller gjeve bort dei 7 mmb som **Ingegjerd** (sjå s. 225) åtte i Gjerme (Voss 26).⁹⁷²

Begge desse er handsama tidlegare, og det same gjeld den etterfølgjande saka.

969. DN V nr.296; RN VII, nr. 627.

970. Sjå note 937 på s. 239 for ei kort drøfting om eit slikt hypotetisk ekteskap.

971. Sjå namneregistra i RN III og IV.

972. DN V nr. 297; RN VII, nr. 628.

SAK 315: 7. desember 1376, Rogne på Voss: Vitnebrev utferda av Arne Askjellsson, prest på Vangen på Voss, Binning Guttormsson, prest i Etne, og Eiliv Sigurdsson. Dei var same dag til stades då **Brynhild Sigurdsdotter** (sjå s. 235) inngjekk avtale med **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) om hus og opphald for seg hjå han mot at Jørund skulle ha 20 mmb jord i Rogne (Voss 49) med alt inkludert utan levande dyr. Jørund lova Brynhild ein kjortel og ei hette annakvart år, lerret for ½ mark kvart år, og slikt bordhald som han sjølv eller kona hans, Gyrid [Hallbjørnsdotter], hadde. Dersom Brynhild lever lengre enn Jørund skal følgjande avtale gjelda: Dersom Jørund ikkje har born med kona si, kan Brynhild anten ta tilbake jorda si og det andre godset sitt, eller opphalda seg med same rett så lenge ho lever hjå arvingane hans. Dersom Jørund har born skal jorda og det før nemnte tilhøyra arvingane hans, utan Brynhilds brente sølv og klede.⁹⁷³

SAK 316: 19. juli 1377, Bergen: Gåvebrev utferda av **Erlend Arnesson** og **Turid** (sjå s. 247), kona hans. Dei har gjeve **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) den jorda som **Hallstein Bårdsson** (sjå s. 242) åtte og som heiter Store Ringeim i Vangen sokn (Voss 50) på Voss. Det er 10 laupsbol.⁹⁷⁴

Erlend Arnesson må vera gift med Turid Hallsteinsdotter, dottera til Hallstein Bårdsson. Eg kan ikkje sjå at han opptrer i andre kjelder, men ut frå ekteskapet hans med ei som må reknast til aristokratiet, må også han i det minste reknast til eit elitesjikt. Dei andre involverte her er handsama tidlegare.

SAK 317: 31. januar 1378, Vossevangen: Vitnebrev frå Magnus Hallsteinsson og Bård Torgilsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då Eindride Eiriksson og Sigrid Arnfinnsdotter vitna at dei var til stades då **Ingegjerd Torgautsdotter** (sjå s. 225) kunngjorde at ho hadde gjeve til **Håvard Ulvsson** (sjå s. 232) 7 mmb i «Værom tvnvnvm» på Gjerme (Voss 26), men at ho skulle ha landskylda så lenge ho levde. Når ho døydde skulle jorda tilfalla Håvard eller arvingane hans.⁹⁷⁵

Begge desse er handsama tidlegare. Det same gjeld neste sak.

973. DN V nr. 298; RN VII, nr. 631, jf. likelydande avtale dagsett 3. desember 1375.

974. DN I nr. 445; RN VII, nr. 670.

975. DN VII, nr. 301; RN VII, nr. 705.

SAK 318: 13. april 1378, Bergen: Stemning utferda av kong Håkon til Jørund Arnesson på Foss (sjå s. 245). Hustru **Brynhild Sigurdsdotter** (sjå s. 235) har klaga for kongen over at Jørund har handla mot lov og rett med hennar gods. Jørund seier at han har gjort avtale med henne om det, medan ho hevdar at korkje ho eller arvingane hennar har samtykt i det. Jørund vert sett månadsstemne i Bergen.⁹⁷⁶

SAK 319: 11. juni 1380, Bergen: Stadfestingsbrev utferda av **Sigurd Guttormsson**. Han stadfestar den avtalen som farsøstera hans, **Brynhild Sigurdsdotter** (sjå s. 235), gjorde med **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) om Rogne (Voss 49) slik det vedhefta brevet (frå 3. desember 1375) viser.⁹⁷⁷

Brynhild Sigurdsdotter og Jørund Arnesson er begge handsama tidlegare.



Figur 47. Seglet til Sigurd Guttormsson frå 1375 og 1380 (NoSigV, nr. 929)

Sigurd Guttormsson er, slik det går fram av brevteksten, brorsonen til Brynhild Sigurdsdotter (sjå s. 235). Ettersom ho opptrer med hustrutittel, er det rimeleg også å rekna Sigurd Guttormsson til aristokratiet. Dette trass i at han ikkje har noko våpenmerke i seglet sitt, som han nyttar både i 1375 (sak 311) og i denne saka frå 1380. Slik Lars Hamre peikar på, kan det tenkjast at han er identisk med Sigurd Guttormsson på Torsnes i Hardanger (sjå kap. 4.20 om denne ætta).⁹⁷⁸

SAK 320: 5. oktober 1383, Finne på Voss: Vitnebrev om sal utferda av Erling Halldorsson og Magnus Hallsteinsson: Dei var til stades då **Jon Eiriksson** og kona hans, **Turid Hallsteinsdotter** (sjå s. 247), vedgjekk å ha selt **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) halvparten av Gylten i Peterskyrkjas sokn i Bergen for 19 kyrlag og å ha fått 16 kyrlag av betalinga.⁹⁷⁹ Salet vert stadfesta og samtykt i av kong Olav Håkonsson og drottseten Ogmund Finnsson den 23. oktober same år.⁹⁸⁰

976. DN II, nr. 453; RN VII, nr. 726.

977. DN II, nr. 466; RN VII, nr. 875.

978. L. Hamre 1949, s. 106.

979. DN I nr. 481; RN VII, nr. 1128.

980. DN I nr. 483; RN VII, nr. 1130.

Jon Eiriksson er andre ektemannen til Turid Hallsteinsdotter, og opptrer første gong i dette brevet. Han opptrer i fleire av sakene nedanfor, og frå 1400 (sak 334) har vi overlevert seglet hans. Det inneheld eit våpenmerke, og er saman med det sosiale sjiktet som kona hans tilhøyrer, med på å sannsynleggjera ei tilhøyrsele til aristokratiet.



Figur 48. Seglet til Jon Eiriksson frå 1400 (NøSiggV, nr. 1354)

SAK 321: 24. april 1384, Vossevangen: Vitnebrev utferda av sira Arne Askjellsson, hovudprest på Vangen på Voss, og Gudbrand Torfinnsson. Dei var på Ullestad då **Margreta Sveinsdotter**, frisk til sinns, men

sjuk på lekamen, gav 1 laupsbol i øvre tunet i Ullestad (Voss 44–45) i Vangen sokn på Voss til **Ragnhild Toresdotter**. **Tore Eilivsson**, Ragnhilds far, tente hjå Margreta i elleve år.⁹⁸¹

På Mølster, den 19. februar 1387 utferdar Arnfinn Halldorsson og Gudbrand Torfinnsson, eit vitnebrev. Dei var til stades då **Tore Eilivsson** gav **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) brev på 1 laupsbol i øvste tunet i Ullestad med same rett som **Margreta Sveinsdotter** hadde gjeve til Tore.⁹⁸²

Den 17. mars 1387 utferda Gisle Arnbjørnsson, Gudbrand Torfinnsson og Torkjell Oddsson eit vitnebrev: Dei var til stades då **Margreta Sveinsdotter** gav ½ laupsbol i Ullestad i Gullfjordungen åtting på Voss til **Ragnhild**, dotter av Tore Eilivsson. Jorda ligg i øvste tunet på Ullestad, Doflingsluten. Gåva vart same år straks overlata til **Tore Eilivsson** og fylgde han i 11 år medan Margreta levde, og lenge etterpå. Under brevet er tilføydd med same hand: Med samtykke av Odd Jørundsson på Berge, bror til Margreta og hennar rette arving.⁹⁸³

Den 5. oktober 1391 vitnar sira Håkon Gunnarsson, hovudprest på Voss, og sira Tore Tolvsson, at dei var til stades då **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) handtokst med Arne Toresson og Eindride, bror hans, som samtykte i at **Ragnhild**, søster deira, samboren både på fars- og morssida, gav til Åsa 1 laupsbol i Ullestad, den same som **Margreta Sveinsdotter** hadde gjeve til Ragnhild.⁹⁸⁴

På Finne vitnar den 7. juli 1392 Alvfinn Brynjulvsson og Gudbrand Torfinnsson, lagrettemenn på Voss, at dei var til stades då Arnfinn Olavsson, kongen ombodsmann på Voss, tok stemningsvitne av Gaute Eindridesson og Sigurd Torsteinsson for Åsa Håvardsdotter. Dei vitna at dei var til stades då **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) i fullt ombod for borna sine, stemna **Olav Bjarnesson** og **Vigdis Håkonsdotter**, kona hans, for kongens ombodsmann, vedrørande 1

981. DN II, nr. 484; RN VII, nr. 1169.

982. DN II, nr. 499; RN VII, nr. 1356.

983. DN I nr. 507; RN VII, nr. 1363.

984. DN II, nr. 528.

pundsbol i øvste tunet i Ullestad i Gullfjordungen åtting på Voss, som Vigdis meinte seg å eiga, og som **Margreta Sveinsdotter** gav til **Ragnhild Toresdotter**. Då Olav og Vigdis ikkje møtte, gav Åsa dei ein månads stemning til å møta for lagmannen.⁹⁸⁵

Den 15. oktober 1392 utferdar så Arnulv Gunnarsson, Gulatings og Bergens lagmann, eit domsbrev der han tildømmer hustru **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) på eigne og sine borns vegne det poundsbol i Ullestad i Gullfjordungen åtting på Voss som **Olav Bjarnesson** sat med på vegne av kona si, **Vigdis**, og som Vigdis meinte seg å eiga på vegna av borna sine. Hustru Åsa skal også ha landskyld av jorda frå den tida jorda vart gjeve bort.⁹⁸⁶

Margreta Sveinsdotter må vera dotter av Svein og Hallrid Bessesdotter som er omtalte på s. 211, og som dermed er stykdotter av Jørund Asbjørnsson på Berge.⁹⁸⁷ Ho må reknast til den lokale eliten på Voss. Eg kan ikkje sjå at ho er omtalt i kjeldene før dette brevet, og ho må alt då ha lagt for døden, om ho då ikkje alt var død lenge før. I brevet frå mars 1387 er det tydeleg at ho må ha vore død i lengre tid. Om ho var gift, og kven ho eventuelt var gift med, har det ikkje lukkast å finna noko om. I alle høve har ho ikkje hatt livsarvingar, ettersom det i 1387 også kjem fram at det er [halv]broren hennar, Odd Jørundsson på Berge, som er hennar rette arving.

Ragnhild Toresdotter opptrer etter det eg kan sjå, berre i denne saka. I brevet frå 1391 kjem det fram at ho også har to samborne brør, Arne og Eindride. Eg har heller ikkje funne meir om dei, dersom då ikkje Arne Toresson er identisk med han som i Bergen i 1367 utferdar eit vitnebrev om sal av bygard (sjå sak 299) der det er vossingar involverte, og som då har eit segl med bumerke i.⁹⁸⁸

Tore Eilivsson er som det går fram av saka, far til Ragnhild Toresdotter. Heller ikkje han har eg funne meir om ut over det som går fram av denne saka. Det at han er sagt å ha tent Margreta Sveinsdotter i elleve år, kan indikera at han må reknast mellom bøndene, og ikkje til ein lokal elite. På den andre sida kan tenesta ha vore gjort medan han var ung, og kan dermed sjåast som ei form for utdanning. Utan meir informasjon er det likevel uråd å seia noko sikkert om denne slektskrinsen med omsyn til kva sosiale sjikt ein skal rekna dei til.

Olav Bjarnesson opptrer i denne saka på vegne av kona si, **Vigdis Håkonsdotter**. Heller ikkje desse to har eg funne omtalte andre stader enn i denne saka, og dei er dermed vanskelege å identifisera sosialt. På bakgrunn av patronymet til Vigdis kan ein likevel gissa på at ho kan vera søster til

985. DN II, nr. 531.

986. DN II, nr. 534.

987. Kindem 1933, s. 200 og 258, hevdar at ho er dotter av Svein Halleson på Rogne, men dette kan ikkje vera rett.

988. *NøSiggV*, nr. 818.

Steingrim Hákonsson på Flake (sjå s. 254), som i 1402 eig jord i Ullestad (sak 337). Brevet frå 1392 fortel at ho gjer krav på jordegodset i Ullestad på vegna av borna sine. Dette må tyda at ho har vore gift tidlegare, og at borna kan henda må sjåast på som arvingar etter Margreta Sveinsdotter. Den einaste arvingen etter Margreta vi kjenner, er Odd Jørundsson på Berge (sjå tavle 4 på s. 212) som er nemnt i brevet frå mars 1387. Ut frå det kan det vera rimeleg å gissa på at Vigdis er enkje etter han, og ho bør då, saman med mannen, reknast til den lokale eliten på Voss. Kan henda er den Bjarne Olavsson som i 1446 er nemnt lagrettemann på Voss (sak 365), ein son av Olav Bjarnesson.

SAK 322: 6. oktober 1386, Vossevangen: Salsbrev frå **Jon Torsteinsson** på Helland. Han har selt ½ spansbol i Bolstad (Eva 65) i Evanger sokn på Voss til **Svein Ivarsson** på Graue, og fått betaling for det.⁹⁸⁹

Jon Torsteinsson på Helland har eg berre funne i denne eine saka. Til alt hell heng seglet hans ved dette brevet, og det inneheld eit våpenmerke i form av eit skjold med ein kross i. I kraft av dette vil eg minst rekna han til det lokale elitesjiktet.

Svein Ivarsson på Graue har eg heller ikkje funne nemnt andre stader enn i denne saka, og det er dermed uråd å identifisera han nærare etter som det heller ikkje finnest segl etter han. Likevel kan det vera rimeleg å gissa på at han er ein etterkomar eller i det minste ein slektning av den Svein på Graue som opptrer to gonger som brevutferdar i 1323 og 1324.⁹⁹⁰



Figur 49. Seglet til Jon Torsteinsson på Helland frå 1386 (NoSiggV, nr. 1078).

SAK 323: 22. april 1389, Vossevangen: Vitnebrev utferda av Erling Halldorsson på Gjerdskvål og Gudbrand Torfinnsson på Ullastad. Dei var på Vangen 21. april då **Torgaut Kjetilsson på Lekve** og **Steingrim Hákonsson på Flake** makeskifta med samtykke frå konene sine. Steingrim gav Torgaut 6 laupsbol i Brekko (Voss 40) i «Haurda lwtanom», som ligg i Gullfjordungen åtting, og dertil 3 kyrlag. Torgaut gav Steingrim 5 laupsbol i Bolstad (Eva 65) i øvre tunet i Evanger sokn på Voss.⁹⁹¹

989. DNI nr. 500; RN VII, nr. 1325.

990. DNI, nr. 171 (1323) og 178 (1324); RN IV, nr. 224 og 310.

991. DNI nr. 512; RN VII, nr. 1511.



Figur 50. Seglet til Torgaut Kjetilsson frå 1396 (*NøSigV*, nr. 1272).

Torgaut Kjetilsson på Lekve opptretr forutan i denne saka, også i 1396 då han er nemnt lagrettemann og utferdar eit brev på Voss (sak 329). Seglet hans viser eit bumerke med utgangspunkt i ein kross. Ut frå ombodet som lagrettemann er det rimeleg å rekna han til den lokale eliten.

Steingrim Håkonsson på Flake er også part i ei sak frå 1402, då han gjer makeskifte med hustru Åsa Håvardsdotter (sak 337), og her kjem det fram at han har ått jord i Ullestad. Kan henda er han ein bror av

Vigdis Håkonsdotter ovanfor (sjå s. 252).

SAK 324: 27. mai 1389, Finne på Voss: Vitnebrev utferda av Andor Dagsson og Arnljot Narvesson, lagrettemenn i Granvin. Dei var til stades då Olav Gunnarsson og Hollrod Hallsteinsson gav Åsa Håvardsdotter vitneprov om 4 laupsbol i Spildo (Gra 89–90), i nedre tunet, som **Gunnar** og **Ingebjørg** (for begge desse, sjå s. 234), kona hans, selde, og som **Elin Viljalmsdotter** (sjå s. 237) på Finne åtte medan ho var umyndig.⁹⁹²

Desse tre er alle handsama tidlegare.

SAK 325: 29. juni 1389, Bergen: Domsbrev utferda av Arnulv Gunnarsson, lagmann i Gulating og Bergen: Ærleg kvinne **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) møtte for han, i fullt ombod for sine born og på den andre sida møtte **Brynjulv Eilivsson**. Brynjulv klaga over at Åsa på vegne av borna ulovleg sat med 25 mmb i Tolo i Vikøy sokn (Vikøy 32), 10 mmb i Spildo i Granvin sokn (Gra 89–90), 4 mmb i Teigen i Jondal sokn, og urtegarden på Haustveit i Ullensvang sokn (Ull 69). Lagmannen frikjende Åsa og borna for påtale frå Brynjulv og hans arvingar vedrørande denne jorda, og Åsa og Håvard («Halvarder») Botolvsson, sonen hennar, handtokst med Brynjulv og var forlikte.⁹⁹³

Brynjulv Eilivsson er son av Eiliv Brynjulvsson (sjå s. 240) og Ingebjørg Simonsdotter (sjå s. 234), og såleis halvbror til Elin Viljalmsdotter (sjå s. 237) som var første kona til Botolv Eindridesson på Finne. Han opptretr første gong i eit brev frå 1380 der han vedgår å ha fått det som stod att på betalinga frå Sigurd Ormsson til Eiliv Brynjulvsson, far til Brynjulv (sjå sak 623). Neste, og siste gong han er nemnt, er i denne saka. På bakgrunn av slektstilhøva hans, er det rimeleg å rekna han til aristokratiets lågare lag.

992. *DNI*, nr. 514; *RN VII*, nr. 1522.

993. *DNI* nr. 516; *RN VII*, nr. 1530.

SAK 326: 3. oktober 1389, Vossevangen: Vitnebrev utferda av Olav Sigurdsson og Torkjell Oddsson. Dei var til stades då **Sigrid Aslesdotter** selde 2 mmb i Bolstad (Eva 65) i Evanger sokn på Voss til **Ivar Ivarsson**.⁹⁹⁴

Sigrid Aslesdotter har eg ikkje funne omtalt andre stader, og ho let seg dermed ikkje identifisera nærare.

Ivar Ivarsson opptrer også første gong i denne saka, men er nemnt i fleire av sakene nedanfor, siste gong i 1402 (sak 342), men då omtalt i fortid utan at han naudsynleg er død av den grunn. I eit brev frå 1391 kjem det fram at han budde på garden Straume i Stamnes sokn i Bruvik,⁹⁹⁵ ein gard han også kjøper jord i både i 1398 og 1400 (sak 331 og 332). Nokon indikasjonar på kva sosiale sjikt han skal reknast til, har eg ikkje klart å finna.

SAK 327: 5. juli 1394, Berge i Strandebarm: Vitnebrev frå Sigurd Sigvatsson, Steingrim Sveinson, Alv Steinarsson og Svein Sigurdsson. Dei var på Håbrekke då **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) selde 1 pundsbol i Åse (Jon 40) i Jondal kyrkjesokn i Hardanger til **Olav Oddsson**, og vedgjekk å ha fått full betaling.⁹⁹⁶

Olav Oddsson opptrer berre i dette brevet, og er dermed uråd å identifisera nærare.

SAK 328: [23. januar 1396], [Voss]: Vitnebrev frå Torgeir Håvardsson, Gudleik Sigurdsson og Eirik Torfinnsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Torgils Torleivsson** og kona hans **Bergljot «Vilpulz dotter»** selde 4 mmb i øvre garden i «Hofaa» (kan henda Voss 192–193) til **Torstein Toresson** og kona hans **Gyda Øysteinsdotter**, for 4 mmb i store Rokne (Voss 199–200) og 3 spansbol i Græe (Voss 201).⁹⁹⁷

Torgils Torleivsson og kona hans, **Bergljot «Vilpulz dotter»**, opptrer etter kva eg kan sjå berre i denne eine saka, og let seg dermed ikkje identifisera nærare.

Torstein Toresson og kona hans, **Gyda Øysteinsdotter**, er på si side, også partar i saker i 1435 og 1447 (sak 356 og 368). Dei ser dermed ut til å vera aktive i over 50 år, og må såleis ha vore relativt unge i 1396. I saka frå 1435 sel dei noko jord i Sæleim på Voss (gnr. 155), medan saka frå 1447 er ein tvist om noko jord i Geitle i Evanger (gnr. 49). Ut frå konteksten i denne siste saka, kan det sjå ut til at Gyda Øysteinsdotter kan ha vore morsøster til ei Sigrid Vikarsdotter, utan at det gjev nokon

994. *DN* I nr. 517; *RN* VII, nr. 1547.

995. *DN* III, nr. 497.

996. *DN* VIII, nr. 220; *RN* VIII, nr. 323.

997. *DN* XXI, nr. 197; *RN* VIII, nr. 423.

ytterlegare indikasjon på den sosiale statusen til henne eller mannen hennar. Kan henda er dei foreldre til Torbjørg Torsteinsdotter som i 1484 er sagt å ha selt jord i Store Rokne (sjå s. 293).

SAK 329: 12. desember 1396, Vossevangen: Vitnebrev utferda av Gudbrand Torfinnsson og Torgaut Kjetilsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) og **Hollolv Sigurdsson** kom i stemne for Alvfinn Brynjulvsson, kongens ombodsmann på Voss. Åsa førte vitner på at **Halldor Eindridesson**, då han låg på sotteseng, hadde lagt ein åker under Åsa Håvardsdotters lut i Ullestad (Voss 44–45), og bort frå Hollolv Sigurdssons lut som han hadde fylgt og meinte seg å eiga. Alvfinn Brynjulvsson oppnemnte seks lagrettemenn som skulle undersøka saka på åstaden.⁹⁹⁸

Den 28. februar 1401 vitnar så Jon Erlendsson, Asbjørn Jonsson og Sigurd Kjetilsson, lagrettemenn på Voss, at dei var til stades på nedre tunet i Bolstad i Evanger kyrkjesokn på Voss den 27. oktober 1399, då **Gudleik Sigurdsson** selde 2 mmb i Ullestad (Voss 44–45) i Gullfjordingen i Vangen kyrkjesokn på Voss til **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) på Finne, som far til Gudleik, **Sigurd**, hadde arva etter **Hollolv «loggi»**, for 8 kyrlag, 4 kyrlag i «Huiku» (Voss 184)⁹⁹⁹ og 4 kyrlag i anna gods, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁰⁰⁰

Halldor Eindridesson er død før 1396. **Hollolv Sigurdsson** i 1396 må vera identisk med **Hollolv «loggi»** i 1401-brevet. Ingen av desse to har eg funne meir informasjon om, og det er dermed uråd å identifisera dei nærare.

Gudleik Sigurdsson og far hans, **Sigurd**, må ut frå kontekst vera nærskyldte til Hollolv Sigurdsson, neppe fjernare enn søskenbarn. Gudleik opptrer forutan i denne saka, også som lagrettemann på Voss i 1396 (sak 328). Dette er tilstrekkeleg til å rekna han til den sosiale gråsona som utgjer dei lokale elitane, og det same gjeld for far hans.

SAK 330: 16. april 1398, Lydvo på Voss: Vitnebrev utferda av Jostein Olavsson og Torkjell Oddsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Herborg Guttormsdotter** med samtykke frå husbonden sin, **Eirik Einarsson**, gav ½ laupsbol i Flake (Voss 11–12) til hustru **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248), frendkona si, som Åsa og hennar arvingar skulle behalda dersom hustru Åsa levde lenger enn Herborg. Ellers skulle det gå attende til Herborg. Hustru Åsa gav Herborg ei ku og 2 kyrleiger.¹⁰⁰¹

998. DNI nr. 555; RN VIII, nr. 509.

999. Jf. Kindem 1933, s. 201.

1000. DN XV, nr. 40; RN VIII, nr. 971.

1001. DNI nr. 563; RN VIII, nr. 629.

Herborg Guttormsdotter omtalar her hustru Åsa Håvardsdotter som frendkona si, noko som viser at dei må vera i relativt nær slekt.¹⁰⁰² Den etter mitt syn mest sannsynlege forklåringa på slektskapet, er at Herborg er dotter av Guttorm Halleson, som var farbror til hustru Åsa (sjå tavle 2 på s. 203). Ho må dermed reknast til aristokratiet på Voss. Truleg er ho også identisk med den Herborg Guttormsdotter, som er nemnt i eit brev dagsett Vossevangen den 15. februar 1379. Då utferdar Vinald Henriksson, prost ved Apostelkyrkja i Bergen, eit vitnebrev om prov til biskop Jakob i Bergen, der han vedgår at han var til stades og opptok vitnesbyrd av Hallstein Gardarsson og Olav Jonsson om at dei var til stades då Jon Askjellsson, på dødsleiet, stadfesta festemålet sitt med Herborg Guttormsdotter, slik at barnet deira kunne reknast som ektefødd.¹⁰⁰³

Eirik Einarsson, mannen til Herborg, har eg ikkje funne omtalt i andre kjelder, dersom han då ikkje er identisk med den Eirik Einarsson som i 1426 er svoren mann i Bergen, og som utferdar eit vitnebrev om gåve til Munkeliv kloster.¹⁰⁰⁴ Uavhengig av dette må han likevel minst reknast til ein lokal elite på bakgrunn av ekteskapet sitt.

SAK 331: 1398, Hamre i Nordhordland: Salsbrev frå **Jon Gjeblesson**, kannik i Kristkyrkja i Bergen. Han har selt til **Ivar Ivarsson** (sjå s. 255) 4 laupsbol i Straume (Bru 60) i Stamnes kyrkjesokn i Vosseveldet, og fått full betaling.¹⁰⁰⁵

Jon Gjeblesson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen, kan trygt reknast til det geistlege aristokratiet ettersom han er kannik. Han opptrer elles berre ein annan gong i kjeldene. Det er i 1392 då han utferdar eit vitnebrev i Bergen saman med to andre menn. Han er også då kannik ved Kristkyrkja.¹⁰⁰⁶

SAK 332: 28. mars 1400, Bergen: Vitnebrev utferda av Bård Ivarsson og Arnfinn Åmundesson. Dei var til stades då **Jon Eiriksson** (sjå s. 251), med samtykke frå kona si **Turid Hallsteinsdotter** (sjå s. 247), selde 5 mmb i øvre tunet i Straume (Bruv 60) som ligg i Stamnes kyrkjesokn i Vossafylke til **Ivar Ivarsson** (sjå s. 255), og fått betaling for det.¹⁰⁰⁷

Desse tre er alle handsama tidlegare.

1002. Norr. *frændkona* tyder kvinneleg slektning.

1003. DN XXI, nr. 154; RN VII, nr. 786.

1004. DN XII, nr. 183.

1005. DN III, nr. 543; RN VIII, nr. 1005.

1006. DN XII, nr. 125.

1007. DN I nr. 571; RN VIII, nr. 833.

SAK 333: 30. mars 1400, Bolstad på Voss: Salsbrev utferda av Arnbjørn Sunnolvsson, prost ved Apostelkyrkja i Bergen. Han har selt 2 mmb i øvste tunet i Ullastad (Voss 44–45), som han hadde teke i sakøyre frå **Ivar «kufuer»**, til hustru **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248), og fått betaling for det.¹⁰⁰⁸

Ivar kúfr opptrer berre i dette eine brevet, og har ikkje vore mogleg å identifisera nærare ut over det som går fram av brevteksten. Eg reknar ikkje med Arnbjørn Sunnolvsson som privat jordeigar her, ettersom det er tydeleg at han opptrer i eigenskap av systemann på Voss.¹⁰⁰⁹

SAK 334: 11. juli 1400, Straume i Stamnes: Salsbrev utferda av **Ivar Ivarsson** (sjå s. 255). Han har selt 3 laupsbol i Bolstad (Eva 65) til **Jon Eiriksson** (sjå s. 251) for 3 kyrlag for kvart laupsbol, og fått full betaling.¹⁰¹⁰

Dei involverte her er begge handsama tidlegare. Det same gjeld også for dei involverte i dei følgjande tre sakene.

SAK 335: 9. august 1401, Munkeliv: Gåvebrev frå **Jørund Arnesson** (sjå s. 245). Han har gjeve til Munkeliv kloster sin gard og tomt Kannen [på Skinnarestretet] i Marteinskyrkjesoknet i Bergen, mot at abbeden og brørne skulle halda sjelemesser og årtid for han.¹⁰¹¹

SAK 336: 25. oktober 1401, Finne på Voss: Vitnebrev frå Alvfinn Brynjulvsson og Torgeir Håvardsson. Dei var til stades då hustru **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) handtokst med **Jon Eiriksson** (sjå s. 251) og **Turid Hallsteinsdotter** (sjå s. 247), kona hans, om at Jon og Turid hadde fått full betaling for Gylten, som **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) hadde kjøpt.¹⁰¹²

SAK 337: 31. januar 1402, Vossevangen: Vitnebrev frå Arnbjørn Oddsson, Torstein Halldorsson og Asbjørn Jonsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) og **Steingrim Håkonsson** (sjå s. 254) gjorde makeskifte på den måten at Steingrim Håkonsson gav 3 mmb i Aresluten i Ullestad (Voss 44–45) i Vangen kyrkjesokn på Voss, og 5 mmb i øvre tunet i Bolstad (Eva 65) i Evanger kyrkjesokn på Voss til Åsa Håvardsdotter. Mot dette gav Åsa Håvardsdotter 8 mmb i midtre tunet i Himle (Voss 202–203) i Vangen kyrkjesokn på Voss til Steingrim Håkonsson.¹⁰¹³

1008. DN I nr. 572; RN VIII, nr. 836.

1009. Vossesysla vart truleg lagt til Apostelkyrkja i Bergen. Jf. DN VI, nr. 537; DN XXI, nr. 169 og 205.

1010. DN I nr. 573; RN VIII, nr. 862.

1011. DN XII, nr. 135; RN VIII, nr. 1022.

1012. DN III, nr. 560; RN VIII, nr. 1044, i DN datert til 1. november 1401.

1013. DN V nr. 412; RN VIII, nr. 1071.

SAK 338: 4. februar 1402, Vossevangen: Vitnebrev frå Arnbjørn Oddsson, Torstein Halldorsson og Olav Sigurdsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Sigrid Jonsdotter, Jorunn** dotter hennar, **Kåre Steinarsson** og **Birning Steinarsson**, bror hans, selde 2 mmb i øvre tunet i Bolstad (Eva 65) i Evanger kyrkjesokn på Voss til **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248), for 6 kyrlag. Seljarane vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁰¹⁴

Noko meir er ikkje kjent om desse folka, og det er dermed uråd å plassera dei på den sosiale rangstigen. Likevel skulle det vera rimeleg å rekna med eit slektskap til den Birning Romundsson som i 1368 kjøper jord i same garden (sjå sak 301).

SAK 339: 25. mars 1402: Vitnebrev utferda av sira Erling Jonsson, sokneprest i Hjelmeland. Han var til stades då **Jørund Arnesson** (sjå s. 245), frisk på sinnet men sjuk på lekamen, gav til brørne **Håvard Botolvsson** og **Odd Botolvsson** den jorda som heiter Rogne (Voss 49) i Vangen kyrkjesokn på Voss til æveleg eige. Jørund sa at dette var deira odelsjord.¹⁰¹⁵

Håvard Botolvsson er nemnt første gong i eit vitnebrev dagsett Vossevangen den 13. mars 1390 som fortel at utferdarane var på Vangen på Voss den 20. juli [1389] då hustru Brynhild Josefsdotter (sjå s. 324) gav borna til Botolv Eindridesson på Finne (sjå s. 237), Håvard, Odd og Ragna, all den rett som Brynhild hadde til arv etter Sigrid, Torstein Skolles dotter, dersom Sigrid skulle døy før Brynhild, med ein tredel til kvart av borna.¹⁰¹⁶ Han opptre i ei rekkje av sakene nedanfor, og må reknast til aristokratiet. Håvard var truleg væpnar, trass i at han aldri er nemnt direkte som det, for kona hans, Gjertrud



Figur 51. Seglet til Håvard Botolvsson frå 1426 (DN I, nr. 713). Teikning i NRA, KA.

Jakobsdotter (sjå s. 269) er ofte omtalt med hustrutittel. Etter alt å døma er han død i 1438, då han er sagt å liggja på sotteseng (sjå sak 357), og hustru Gjertrud er omtalt som enkje i 1439 (sjå sak 360). Eg kan ikkje sjå at han nokon gong opptre i offentleg ombod, utan at det naudsynleg tyder at han ikkje hadde slike ombod. Seglet til Håvard Botolvsson er kjent frå eit brev frå 1426, og viser eit delt skjold med ei halv lilje i (heraldisk) venstre felt og to roser(?) i høgre felt.

Odd Botolvsson opptre til liks med broren Håvard og søstera Ragna, også første gong i 1389. Også han opptre i ei rekkje av sakene nedanfor, og også han kan trygt reknast til aristokratiet. Han var gift med hustru Bothild Torsteinsdotter, som tilhørte ei jemtisk lågadelsætt.¹⁰¹⁷ Hustrutittelen


1014. DN V nr. 413; RN VIII, nr. 1072.

1015. DN I nr. 580; RN VIII, nr. 1085.


1016. DN II, nr. 518; RN VII, nr. 1585.

hjá kona viser at også Odd må ha vore væpnar. Siste gong eg har funne han nemnt i live er i 1428 (sjå sak 351) og i eit brev dagsett seinast 1430 (sjå sak 354). Han er i alle høve død før broren Håvard (sjå sak 357). Eg kan heller ikkje sjå at Odd Botolvsson opptre i kjeldene i noko offentleg ombod, dersom han då ikkje er identisk med den Odd Botolvsson som i 1425 er nemnt lagrettemann, og utferdar eit vitnebrev på Fluberg på Toten om eigedomsretten til garden Grimestad på Toten.¹⁰¹⁸ Samidentifikasjonen er slett ikkje usannsynleg.¹⁰¹⁹

SAK 340: 24. april 1402, Tråo på Voss: Vitnebrev frå Arnbjørn Oddsson og Torgeir Erlingsson, lagrettemenn. Dei var på Munkeliv i Bergen midvekedagen etter Seljevaka (vel 1401) då **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) på Foss handtokst med **Alvfinn Brynjulvsson**, og kvitterte han for ombodet hans på Voss, og gav han 2 laupsbol i Flåge-elva (vel Voss 11–12).¹⁰²⁰



Figur 52. Segla til Alvfinn på Gjerde (t. v.) i 1326 og 1330 (*NøSigV*, nr. 156), og Alvfinn på Rekve 1328 (*NøSigV*, nr. 170). Nedanfor er segla til Alvfinn Brynjulvsson frå 1391–1392 (t. v.) og 1396–1412 (*NøSigV*, nr. 1167 og 1271).



Alvfinn Brynjulvsson har etter alt å døma her vore ombodsmann på Voss for Jørund Arnesson, som då budde i Ryfylke. Han opptre også i sak 344 nedanfor. Alvfinn Brynjulvsson må reknast til det regionale aristokratiet på Vestlandet, ettersom han i 1396 er nemnt kongens ombodsmann på Voss,¹⁰²¹ noko som truleg svarar til (under)sylemann.¹⁰²² Han opptre elles som lagrettemann ved fleire høve mellom 1391 og 1412.¹⁰²³ Truleg er han identisk med den Alvfinn på Haugo på Voss som er omtalt i fortid i 1420 i ei kunngjering frå biskop Arnbjørn [Sunnulvsson] på Hamar, tidlegare prost ved Apostelkyrkja i Bergen og såleis sylemann på Voss. Arvingane etter Alvfinn får då kunngjort at dei har gjort fullstendig rekneskap for biskopen med omsyn til Alvfinns ombod på Voss for Arnbjørn.¹⁰²⁴ Namnet Alvfinn er svært sjeldsynt, og truleg var Alvfinn Brynjulvsson ein etterkomar

1017. Sjå t. d. P. R. Christiansen 2002 og Løberg 2003. Far hennar, Torstein Skjeldulvsson, var mellom anna sylemann på Toten og i Herjedalen.

1018. *DN III*, nr. 676.

1019. Jf. t. d. Fosmo 1987, s. 201, og Løberg 2003, s. 20, med tilvisingar til eldre litteratur.

1020. *DN V* nr. 417; *RN VIII*, nr. 1097.

1021. *DN I*, nr. 555 (1396): «Alfin Bryniulfsson konungs vmbodz man a Vos».

1022. Jf. G. Munthe 1835a, s. 583, note 3; P. A. Munch 1863, s. 213.

1023. *DN III*, nr. 497 (1391); *DN I*, nr. 631 (1412).

(soneson?) av den Alvfinn Brynjulvsson som er mellom utferdarane av eit vitnebrev om jordsal på Vossevangen i 1332.¹⁰²⁵ Han er igjen truleg identisk med anten Alvfinn på Gjerde (n. 1326–1332)¹⁰²⁶ eller Alvfinn på Rekve (n. 1328–1343).¹⁰²⁷ Den første av desse fører våpenmerke i seglet, den andre har eit seglmerke som ein kan venta å finna i eitt våpenmerke (fig. 52, øverst). Det gjer derimot ikkje kongsbodsmannen Alvfinn Brynjulvsson, som fører det ein må kalla eit bumerke-segl (fig. 52, nederst). Her har vi dessutan nok eit eksempel på at våpenmerke i segl gjerne kan vera ein indikasjon på det som seinare gjerne vert kalla adelskap, men samstundes at bumerke i segl ikkje kan nyttast som indikasjon på det motsette. Ut over dette er namnet Alvfinn berre kjent frå patronymika i to brev. Ein Arne Alvfinnsson (prest?) er nemnt i eit provsopptak i 1348, då han var komen i skade for å ta livet av ein Einar Auga i Bergen,¹⁰²⁸ og ein Arnfinn Alvfinnsson opptrer som lagrettemann i Hardanger i 1464.¹⁰²⁹

SAK 341: 16. juni 1402, Foss i Hjelmeland: Domsbrev frå Torbjørn Toraldsson, lagmann i Ryfylke. Kom for han på den eine sida **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248), og på den andre **Øyvind Sigurdsson** som sat i arven etter **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) på vegne av kona si, **Gudrun**. Åsa kjærte på arven, og prova for lagmannen at ho var ektefødd og dotter av ektefødde. Difor dømte lagmannen at **Gudrun Eilivsdotter**, kona til Øyvind, skulle prova etter lovboka at mora var ektefødd dotter, og ikkje frilledotter av **Arne Rev** (sjå s. 220) som ho kallar morfaren sin. Lagmannen dømte at partane skulle møte for kongens ombodsmann på Voss tre netter etter den tidlege Olavsvaka, for der å avgjera saka.¹⁰³⁰

Den 4. oktober 1402 utferdar Arnbjørn Sunnulyvsson, prost ved Apostelkyrkja i Bergen, Erlend Filippusson og Eindride Erlendsson, riddarar, Tideke Wistenaker, Hallvard Hallvardsson, Einar Eindridesson, lagmann i Bergen, og Gudleik Toresson, eit vitnebrev om forlik i Bergen. Dei var tilkalla av hustru **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) og sønene hennar på den eine sida, og **Øyvind Sigurdsson** i fullt ombod for kona si, **Gudrun Eilivsdotter**, på den andre sida, for å forlika dei om arven etter **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) på Foss. Følgjande forlik vart gjort: Øyvind Sigurdsson og Gudrun Eilivsdotter, kona hans, skulle leggja tilbake alt det dei hadde teke til seg etter Jørund Arnesson, og sidan skulle dei skifta til helming mellom hustru Åsa og Gudrun Eilivsdotter heile arven etter Jørund Arnesson, både laust og fast. Øyvind skal

1024. *DN XXI*, nr. 283 (1420).

1025. *DN III*, nr. 164; *RN IV*, nr. 879.

1026. *DN I*, nr. 187 (1326); *DN XV*, nr. 13 (1329); *DN II*, nr. 176 (1330); *DN XXI*, nr. 47 (1332)

1027. *DN I*, nr. 198 (1328); *DN VI*, nr. 167 (1343).

1028. *DN II*, nr. 295; *RN V*, nr. 1071.

1029. *DN XV*, nr. 89.

1030. *DN V*, nr. 419; *RN VIII*, nr. 1113.

ta av denne luten 1 mannsverk jord i Landa [vel i Sunnhordland]¹⁰³¹ («æith manswærk jærdher i landum») og ein ting av det han vil, anten drikkehorn eller sølvkopp, og dertil 2 mannsverk jord i Opsal [i Vikedal]¹⁰³² («thwau manswerk jærdher j Vpsalom») som han sa at var gjeve til han. Dei gåvene som Jørund hadde gjeve til brørne **Håvard** (sjå s. 259) og **Odd Botolvssøner** (sjå s. 259) skulle også haldast. Resten skulle delast halvt om halvt mellom hustru Åsa og Gudrun.¹⁰³³



Figur 53. Seglet til Eiliv Sigurdsson frå tida 1350–1376 (*NøSigV*, nr. 583).

Arveoppgjeret etter Jørund Arnesson er handsama i to artiklar av tidlegare riksarkivar Asgaut Steinnes, slik at det ikkje er særskilt grunn til å i detalj med omsyn til det her.¹⁰³⁴ **Øyvind Sigurdsson** opptre på vegne av kona si, **Gudrun Eilivsdotter**, som er ei søsterdotter av Jørund Arnesson.¹⁰³⁵ Det er såleis ho som er den sentrale personen i høve arven. Steinnes reknar med at ho er ei dotter av ein Eiliv Sigurdsson som opptre i brev frå tida 1350–1376, og som i 1365 er nemnt kongens ombodsmann på Voss. Nokre av breva indikerer også at han stod Jørund Arnesson nær.¹⁰³⁶ Seglet hans inneheld eit skjold, men innhaldet i skjoldet er ikkje av ein art som eg er viljug til å kalla eit våpenmerke. Likevel må han reknast til det regionale aristokratiet i eigenskap av kongsombodsmann. Det høver også godt med giftemålet hans inn i ein anna slekt i det same sosiale sjiktet. Mannen til Gudrun må også reknast til det same sjiktet. Korkje han eller Gudrun opptre i kjeldene etter 1403 (sjå sak 344).¹⁰³⁷

SAK 342: 24. oktober 1402, Finne på Voss: Vitnebrev utferda av Alfvinn Brynjulvsson og Torgeir Håvardsson: Dei var til stades då **Jon Eiriksson** (sjå s. 251) og **Turid Hallsteinsdotter** (sjå s. 247), kona hans, selde til **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) 3 laupsbol i Bolstad (Eva 65) for 3 kyrlag for kvart laupsbol, fritt og påtalelaust for kvar mann. Dersom likevel einkvan skulle påtala godset i Bolstad, kunne Åsa Håvardsdotter og hennar arvingar søkja gods i Straume (Bruv 60) som Jon Eiriksson og Turid Hallsteinsdotter hadde eigd, men som **Ivar [Ivarsson]** (sjå s. 255) fekk av Jon for det nemnte godset i Bolstad.¹⁰³⁸

1031. Steinnes 1952, s. 22.

1032. Steinnes 1952, s. 22.

1033. *DN* II, nr. 571; *RN* VIII, nr. 1144.

1034. Sjå Steinnes 1951a og 1952.

1035. Ei kort drøfting av slektskapet finnest i note 842 på s. 221. Jf. også tavle 5 på s. 221.

1036. Steinnes 1952, s. 29–30.

1037. Steinnes 1952, s. 25–26, går vekk frå tanken om at Øyvind Sigurdsson er identisk med ein som opptre med dette namnet i 1416 og 1422, slik han meinte i 1951a, s. 131.

1038. *DN* I nr. 582; *RN* VIII, nr. 1147.

Alle dei involverte i denne saka er handsama tidlegare. Det same gjeld for dei følgjande fire sakene.

SAK 343: 23. mai 1403, Onareim på Tysnes: Kvittering frå **Gyrid Hallbjørnsdotter** (sjå s. 246). Ho har motteke frå arvingane til mannen sin **Jørund Arnesson** (sjå s. 245), **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) og **Gudrun Eilivsdotter** (sjå s. 262) 35 forngilde mark, som var summen av medgifta hennar.¹⁰³⁹

SAK 344: 4. desember 1403, [Voss]: Vitnebrev frå Øyvind Sigurdsson (sjå s. 262). Han var til stades då **Gudrun Eilivsdotter** (sjå s. 262) gav til **Alvfinn Brynjulvsson** (sjå s. 260) og hans arvingar «spanns oc tueggia» i Geitleelva og 1 laupsbol i Geitle (Eva 49), det same fiske og jord som **Jørund [Arnesson]** (sjå s. 245) bonde unte honom medan han var i live. Likeeins stadfesta ho Jørund bondes gåve til Alvfinn Brynjulvsson, nemleg 2 laupsbol i Flage (Voss 11–12) og Vassenden (Voss 14).¹⁰⁴⁰ Gudbrand Torfinnsson, Torstein Bjarnesson og Olav Bessesson stadfesta det som Øyvind hadde fortalt.¹⁰⁴¹

SAK 345: 3. juli 1410, Onareim på Tysnes: Vitnebrev frå Sigurd Bessesson og Kjetil Rolvsson, lagrettemenn. Dei var til stades då hustru **Gyrid Hallbjørnsdotter** (sjå s. 246) handtokst med **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259) og Gyrid gav **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) kvitt og fri for seg og sine arvingar, for alle dei gåver som **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) hadde gjeve henne, samt for all annan tiltale.¹⁰⁴²

SAK 346: 8. februar 1412, [Voss]: Vitnebrev utferda av Alvfinn Brynjulvsson, lagrettemann på Voss. Han var til stades på Hauge på Voss mange år før **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) døydde, og hørte på då Jørund Arnesson gav heile Rogne (Voss 49) til **Odd Botolvsson** (sjå s. 259), som Odd skulle ha etter at Jørund var død, og hustru Åsa Håvardsdotter tok Jørund i handa og takka han for det.¹⁰⁴³

SAK 347: 14. oktober 1412, Vossevangen: Kunngjering frå biskop Aslak [Bolt] i Bergen. Han sluttar forlik med **Olav Bessesson** på vegne av kyrkja, og gjev han kvittering for dei 120 laupar som han var skuldig kyrkja på Vangen etter han hadde gjort opp sin rekneskap med kyrkja, samt for 2 markebol jord som han hadde gjeve til kyrkja i tillegg.¹⁰⁴⁴

Olav Bessesson er handsama saman med resten av folket på Tvilde (sjå sak 393).

1039. DN II, nr. 576; RN VIII, nr. 1220.

1040. Det kan vel også vera gnr. 64 i Evanger, men eg følgjer Kindem 1935, s. 103, i identifikasjon av garden.

1041. DN IV, nr. 736; RN VIII, nr. 1241.

1042. DN II, nr. 611.

1043. DN I nr. 631.

1044. DN XXI, nr. 262.

SAK 348: 11. juni 1416, Nesvik i Ryfylke: Vitnebrev frå Assur Eiriksson og Eindride Andreson, lagrettemenn i Ryfylke. Dei var til stades då **[Geirmu]nd**¹⁰⁴⁵ **Sigurdsson** gav og avhenda til **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259) og **Odd Botolvsson** (sjå s. 259) halve Ottegarden i Mariakyrkjias sokn i Bergen. Til vederlag gav Håvard Botolvsson og Odd Botolvsson til **[Gei]r[mun]d** eit skip på 6 lester med full reiskap som stod i naustet på Foss.¹⁰⁴⁶

Geirmund Sigurdsson er Asgaut Steinnes si overtydande tolking av namnet.¹⁰⁴⁷ Han opptrer berre i denne saka, og Steinnes reknar med at han truleg har budd på Foss. Det som er heilt klårt er at det er han som i 1416 ser ut til å sitja med den delen av arven etter Jørund Arnsson som Gudrun Eilivsdotter og Øyvind Sigurdsson fekk (sjå s. 262). Eg er meir usikker på om Steinnes har rett i sine utgreingar om slektskapet mellom Geirmund Sigurdsson og Øyvind Sigurdsson/Gudrun Eilivsdotter,¹⁰⁴⁸ men at han tilhøyrrer det same sosiale sjiktet kan det ikkje vera tvil om.

SAK 349: 9. august 1417, [Voss]: Vitnebrev frå Arnbjørn Oddsson og Torgeir Erlingsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Sigurd Halldorsson** vedgjekk å ha avhenda frelst og påkjærelaust 2 ½ laupsbol i nedre Kyte (Voss 103) og 6 laupsbol i Bø (Voss 108–109) til **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259), forutan så mykje saker og kyr som Sigurd arva etter Gudrid Torsteinsdotter, frendkona si. Som motyting skal Håvard halda Sigurd med mat og klede så lenge han lever, og betala for gravferda hans.¹⁰⁴⁹

Sigurd Halldorsson er berre nemnt i dette brevet, og det har såleis ikkje lukkast å identifisera han nærare.¹⁰⁵⁰ Frendkona hans, Gudrid Torsteinsdotter, har det heller ikkje lukkast å identifisera sikkert. Det opptrer ei med dette namnet i eit brev frå kong Olav Håkonsson, som berre kan tidfestast til regjeringstida hans 1381–1387, men kvar brevet er skriva er uvisst. Ho er då sagt å vera gift med ein av kongens tenestemenn med namnet Jon Bassat.¹⁰⁵¹

SAK 350: 11. mai 1427, Vossevangen: Vitnebrev frå Arnbjørn Oddsson, Torgeir Erlingsson og Askjell Torsteinsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259) og **Hallad Torkjellsson** handtokst på at Hallad hadde selt til Håvard 3 laupsbol med fiske og andre luter i Dale (Bru 33) i Bruvik sokn i Nordhordland, for 6 kyrlag, og fått full betaling.¹⁰⁵²

1045. Utfylt slik etter Steinnes 1952, s. 25. DN har [Hermu]nd.

1046. DN II, nr. 638.

1047. Steinnes 1952, s. 25.

1048. Steinnes 1952, s. 25–26.

1049. DN I nr. 653.

1050. Det opptrer ein Sigurd Halldorsson som brevutferdar på Fitjar i Sunnhordland i 1381 (sjå sak 97), men eg trur ikkje at dette kan vera same mann.

1051. DN II, nr. 504; RN VII, nr. 1394.

1052. DN I nr. 716.

Hallad Torkjellsson er også berre omtalt i dette eine brevet, og let seg dermed ikkje identifisera. Jordegods i Dale i Bruvik indikerer kan henda at han er ein etterkomar etter Sigurd Tanne som det vart halde skifte etter i 1317 (sjå sak 24).

SAK 351: 24. mars 1428, Finne på Voss: Salsbrev frå **Eirik Torfinnsson**. Han har selt til **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259) 1 laupsbol i Brekko (Voss 40) i Strindar åtting på Voss, for 2 kyrlag, og fått full betaling.¹⁰⁵³

Same tid og stad utferdar **Eirik Torfinnsson** eit makeskiftebrev. Han har gjort makeskifte med brørne **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259) og **Odd Botolvsson** (sjå s. 259), slik at Eirik fekk av brørne 2 laupsbol i Brekko (Voss 40) i Strindar åtting, medan brørne fekk frå Eirik 2 laupsbol i Lakkhusa i Leiddal (Voss 75–76) i Bosstrond åtting.¹⁰⁵⁴

Eit tilsvarande brev vart samstundes utferda av brørne **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259) og **Odd Botolvsson** (sjå s. 259). Dei har gjort makeskifte med **Eirik Torfinnsson**, slik at dei fekk av Eirik 2 laupsbol i Lakkhusa i Leiddal (Voss 75–76) på Bosstrond, medan Eirik fekk av brørne 2 laupsbol i Brekko (Voss 40) i Strindar åtting på Voss.¹⁰⁵⁵

Eirik Torfinnsson er nemnt sist av tre lagrettemenn som utferdar eit brev på Voss i 1396 (sak 328). Dette er einaste gong er har funne han omtalt utanom denne saka. Det er likevel tilstrekkeleg til at han kan reknast til den lokale eliten på Voss. Seglet hans er kjent frå eitt av breva i 1428, men det viser berre bokstaven E som seglmerke, og seier såleis ikkje noko som helst om den sosiale statusen hans.¹⁰⁵⁶ Eittersom Eirik er lagrettemann i 1396, kan det også tenkjast at det er han som opptre i same rolle i eit brev frå 1439 nedanfor (sak 360), men dette er uvisst, ettersom det på same tid opptre ein lagrettemann med namnet Eirik Torgilsson (sjå t. d. sak 362).



Figur 54. Seglet til Eirik Torfinnsson frå 1428 (DN I, nr. 719). Teikning i NRA, KA.

SAK 352: 16. mars 1429, Vossevangen: Vitnebrev frå Gunnar Eiriksson og Askjell («eskel») Torsteinsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Viljalm Olavsson** bonde på Tvilde, for bønehald for seg og sine frendar, gav til prestebolet på Vangen, det kvernstøet som låg på Tvildes land (Voss 89) nede ved «bothæ bro».¹⁰⁵⁷

1053. DN I nr. 719.

1054. DN I nr. 720.

1055. DN XXI, nr. 308.

1056. Til dømes nytta væpnaren Eiliv Eilivsson av Naustdal-ætta eit bokstavsegl i 1347, jf. *NGL* IV, seglskildring på s. 378. Seglet finnest ikkje avteikna i *NoSgV*, men eit fotografi av det finnest på s. 351.

1057. DN XXI, nr. 311.

Viljalm Olavsson på Tvilde er handsama saman med resten av Tvildemennene under sak 393.

SAK 353: 28. august 1430, Vossevangen: Salsbrev frå **Eiliv Omundsson**. Han har selt 5 mmb i Jernes (Voss 196) i Vangen kyrkjesokn på Voss til beskjedeleg mann **Askjell Torsteinson**.¹⁰⁵⁸



Figur 55. Seglet til Eiliv Omundsson frå 1447 (DN VI, nr. 506). Teikning i NRA, KA.

Eiliv Omundsson må vera identisk med han som i 1432 sel si jord 4 ½ mmb i Tveito (Vst 74) i Oppeim sokn på Sognestrand (sak 355). Transaksjonen i denne saka frå 1430 vert dessutan vitna om i eit brev frå 1447 der seks menn vedgår at dei var til stades då Eiliv Omundsson lyste at han hadde selt til Askjell Torsteinson 5 mmb i Gjernes i Bordalen i Vangen kyrkjesokn på Voss (sak 367). Ut over dette har eg ikkje funne meir om Eiliv, og det er dermed uråd å identifisera han sosialt. Seglet hans frå 1447 gjev heller ingen indikasjonar på den sosiale statusen hans.

Askjell¹⁰⁵⁹ **Torsteinson** er det derimot mogleg å seia ein heil del meir om. Lars Kindem skriv at han budde på Bjørko (Voss 158),¹⁰⁶⁰ men dette er seinare tilbakevist av Asgaut Steinnes.¹⁰⁶¹ I det heile er det ikkje noko i jordegodset til den såkalla Rike-Torstein (om han, sjå kap. 4.51) som tyder på at han var son av Askjell Torsteinson, eller for den saks skuld son av nokon på Voss i det heile.¹⁰⁶² Askjell Torsteinson opptretr første gong i kjeldene i 1427, då han er nemnt sist av tre lagrettemenn som utferdar eit brev på Voss (sak 350). Han er nemnt lagrettemann i fleire brev fram til 1449 (t. d. sak 352, 357, 359, 360, 366 og 371), og er dessutan part i fleire saker nedanfor. Siste gong eg har funne han nemnt i live er i september 1449, der han er nemnt først av 11 lagrettemenn som saman med Sune Eriksson, soknepresten på Voss, utferdar vossingane sitt valbrev til kong Karl Knutsson (Bonde).¹⁰⁶³ Diverre kan eg ikkje sjå at det er overlevert noko segl etter han. Lagrettemannsombodet fører han greitt inn i den lokale eliten, og opplysninga om at han var ombodsmann for biskopen (sak 367) samt tiltaleforma beskjedeleg mann indikerer snarare

1058. DN XXI, nr. 318.

1059. Han er ofte nemnt Eskil i kjeldene, men eg har valt å normalisera til Askjell etter Kindem 1936 og Steinnes 1962a.

1060. Kindem 1936, s. 485–487. Opplysningane byggjer på artiklar av sokneprest Olaf Olafsen i *HT* frå 1908 og 1925, og tidsskriftet *Hardanger* i 1925/1926 og 1928, jf. Steinnes 1962a, s. 199.

1061. Steinnes 1962a.

1062. Steinnes 1962a, s. 199.

1063. *NgL* 2 II, s. 22.

tilhørsle til aristokratiet. Det er rimelegvis Askjell Torsteinsson som var gift med Ingrid Gudmundsdotter (sjå s. 278) og er far til Gudmund Askjellsson (sjå s. 278).

SAK 354: desember [seinast 1430], Vossevangen: Vitnebrev frå Arnbjørn Oddsson, Torgeir Håvardsson, Gudbrand Torfinnsson, Olav Bessesson, Bård Jonsson og Tord Halldorsson. Dei var på Rogne og fastsette den åbota som Gerund og sonen hans, Torkjell, skulle svara til **Odd Botolvsson** (sjå s. 259) for Rogne (Voss 49), til 4 kyrlag.¹⁰⁶⁴

Odd Botolvsson er handsama tidlegare. Brevet her omhandlar ikkje nokon transaksjon, men inneheld opplysninga om at Odd åtte jord i Rogne, truleg heile garden.

SAK 355: 21. oktober 1432, Tveito på Vossestrand: Salsbrev frå **Eiliv Omundsson** (sjå s. 266). Han har selt si jord 4 ½ mmb i Tveito (Vst 74) i Oppeim sokn på Sognestrand til beskje-deleg mann **Knut Toraldesson**, og fått full betaling.¹⁰⁶⁵

Knut Toraldesson har eg ikkje funne meir om enn kva som går fram av denne saka. Bruken av tiltaleforma beskje-deleg mann såpass tidleg som 1432 kan indikera at han tilhøyrrer den lokale eliten på Voss, men bruken av nemninga er vid og dermed vanskeleg å nytta som prov.¹⁰⁶⁶ Eiliv Omundsson er handsama ovanfor.

SAK 356: 1435, Vossevangen: Vitnebrev frå Jon Bjarnesson og Gunnar Torleivsson, lagrette-menn på Voss. Dei var til stades då **Torstein Toresson** (sjå s. 255) og kona hans, **Gyda Øysteinsdotter** (sjå s. 255), selde 2 mmb i Sæleim (Voss 155) i Vangen sokn på Voss til **Peter Arnesson**, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁰⁶⁷

Peter Arnesson har eg ikkje funne meir om. Det opptrer personar med namnet Peter Arnesson både på Sunnmøre og i Borgarsysla i første halvta av 1400-talet, men det er ikkje grunn til å identifisera nokon av desse med han som opptrer på Voss i denne saka.

SAK 357: 3. mars 1438, Finne på Voss: Vitnebrev frå Ivar Vikingsson, Askjell Torsteinsson og Erik Torgilsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259) låg på sotteseng og lyste for dei om dei jordene som **Odd Botolvsson** (sjå s. 259), bror hans, gav kyrkja på Vangen på Voss, og som hustru Bothild, kona hans, sa var gjeve til han slik at Håvard kunne rå med det og gje ut jordene. Kyrkja fekk 2 laupsbol i Saue (Voss 64) i Bosstrond, 1 laupsbol i Lekve (Voss 47) som heiter «Skemma manada mata bol» i Gullfjordungen. Preste-

1064. DN IV, nr. 845.

1065. DN XV, nr. 59.

1066. Jf. Kjellberg 1974, sp. 400.

1067. DN IV, nr. 859.

bolet fekk 3 mmb i nedre Kyte (Voss 103). Disse jordene fekk Håvard i testamentet som bror hans hadde gjeve for si sjel. Til vederlag fekk Håvard desse jordene: 1 spansbol mindre enn 4 laupsbol i Byrkjo (Voss 29), 1 laupsbol i Gjukastein (Voss 31) og 1 laupsbol i Brekko (Voss 40) i Gullfjordungen.¹⁰⁶⁸

Dei involverte i denne saka er begge handsama tidlegare.



Figur 56. Seglet til Jon Bjarnesson/Bjarnesson i 1439 (DN IV, nr. 875). Teikning i NRA, KA.

SAK 358: 23. april 1438, Voss: Kunngjering frå **Jon Bjarnesson**, lagrettemann på Voss. Han kunngjer at **Sigrid Arnfinnsdotter**, kona hans, med hans samtykke gav 1 mmb i nedre Kyte (Voss 103) i Vinjar åtting på Voss til prestebolet på Vangen, til sjelehjelp og bøneshald for seg sjølv.¹⁰⁶⁹

Jon Bjarnesson opptre elles som lagrettemann på Voss to gonger, høvesvis i 1435 og 1439, og begge gongene er han nemnt først av lagrettemennene.¹⁰⁷⁰ Ut frå ombodet er det rimeleg å rekna han til

den lokale eliten på Voss. Kona hans, **Sigrid Arnfinnsdotter**, har eg ikkje funne meir om, men eg vil rekna ho til det same sosiale sjiktet som mannen.

SAK 359: 13. august 1438, Finne på Voss: Vitnebrev frå Arnbjørn Oddsson og Askjell Torsteinsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Benkt Harniktsson**, i fullt ombod for festemøya si, jomfru **Magnhild Oddsdotter**, mottok frå hustru **Gjertrud Jakobsdotter** 12 laupsbol i den garden som heiter Gjerme (Voss 26) i Vangen sokn på Voss, samt ei sølvskål på 1 lødig mark. Med det vedgjeikk Benkt å ha fått Magnhild sin fulle arvepart etter sin far **Odd Botolvsson** (sjå s. 259), også det som **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259) hadde fått i landskyld i dei jordene som Odd åtte, etter at Odd var død.¹⁰⁷¹

Benkt Harniktsson er omtalt tidlegare under sak 137, og er der (i 1442) nemnt riddar.

1068. DN I nr. 763.

1069. DN XXI, nr. 369.

1070. DN IV, nr. 859 (1435); DN IV, nr. 875 (1439).

1071. DN I nr. 764.

Jomfru (seinare fru) **Magnhild Oddsdotter** er nemnt første gong i dette brevet, og ho var framleis i live i 1499 (sak 406). Ho oppttrer i ei rekkje av sakene nedanfor. Til liks med resten av slekta si, kan ho trygt reknast til aristokratiet, og gjennom hennar tredje ekteskap med riddaren Alv Knutsson (sjå s. 284) kjem ho inn i det absolutte toppsjiktet av det norske aristokratiet, jamvel også det svenske. Som det går fram av denne saka vart ho truleg kort etter 13. august 1438 gift med Benkt Harniktsson. Etter at han vart drepen kring 1445, vart ho gift med riddaren Sigurd Jonsson («Skaktavl»),¹⁰⁷² før ho seinast i 1458 vart gift for tredje gong med Alv Knutsson.¹⁰⁷³ Seglet hennar er overlevert i eit brev frå 1490, og inneheld eit våpenmerke som ein med einskilde variasjonar finn att hjå andre medlemmer av slekta.



Figur 57. Seglet til fru Magnhild Oddsdotter frå 1490 (*DN* II, nr. 957). Teikning i NRA, KA.

Hustru **Gjertrud Jakobsdotter** oppttrer også første gong i dette brevet, og oppttrer fleire gonger i sakene nedanfor. Ho var dotter av riddaren og riksråden Jakob Fastulvsson og Elsebe Ottedotter (Rømer). Sjå kap. 4.37 for meir om denne slekta. Ho var første gong gift med Håvard Botolvsson på Finne (sjå s. 259), som etter alt å døma døydde i 1438. Seinast i 1447 var ho gift på nytt med den svenske væpnaren Magnus Hogenskild (sjå s. 274). Ho har neppe hatt barn i det siste ekteskapet sitt, men med Håvard må ho hatt minst to barn, men berre sonen Peter Håvardsson (sjå s. 282) er direkte omtalt i kjeldene. Desse barna må likevel ha vore døde før hustru Gjertrud, som i 1462 (sak 386) pantset heile Finne til Alv Knutsson, og som ho litt tidlegare har arva frå borna sine (sak 385). I 1472 er ho død, då det vert utferda eit domsbrev om arven etter henne (sak 559).¹⁰⁷⁴


SAK 360: 16. mars 1439, Finne på Voss (uvisst om jordegods): Vitnebrev frå Henrik Lydersson, leigeprest på Voss, Askjell Torsteinsson og Eirik, lagrettemenn. Dei var til stades då hustru **Gjertrud Jakobsdotter** (sjå ovanfor), enkje etter **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259), gjorde forlik med **Arnbjørn Eiriksson** om å halda gode menns dom i dei kjæremåla som Håvard hadde hatt mot Arnbjørn. Dommen gjekk ut på at begge partar skulle brenna sine brev straks dei kom heim frå lagtinget, noko dei også hadde gjort. Hustru Gjertrud forpliktar seg vidare til å avstå frå å gjera Arnbjørn eller borna hans skade, og til heller å hjelpa dei.¹⁰⁷⁵

1072. Han må ikkje forvekslast med drottseten Sigurd Jonsson av Sørum-ætta.

1073. Sjå Gillingstam 2001, s. 90, med vidare tilvisingar. Ho er biografert i Sandberg 2003.

1074. Jf. H. Sollied 1938, s. 261–262.

1075. *DN* XXI, nr. 376.



Figur 58. Seglet til Arnbjørn Eiriksson frå 1428 (DN I, nr. 719). Teikning i NRA, KA.

Arnbjørn Eiriksson opptretr også i ei sak frå 1447 nedanfor (sak 366), og i 1446 kunngjer han ein avtale mellom seg og Nikolas Petersson, kannik i Bergen og prest på Voss, og Sune Eiriksson, no sokneprest på Voss, om at han og den som brukar garden Eide (Voss 2), skal kvart år betala 2 laupar til presten på Voss for den parten som presten eig i Eide. Presten skal ikkje ha utlegg til å halda garden med hus, men i staden leggja til garden Eide $\frac{1}{2}$ mmb i To (Eva 23).¹⁰⁷⁶ Ut over dette har eg funne Arnbjørn Eiriksson nemnt som kyrkjeombodsmann på Voss i 1441,¹⁰⁷⁷ og som lagrettemann i 1439 og 1446.¹⁰⁷⁸ Han er truleg også identisk med den Arnbjørn Eiriksson som i 1428 er nemnt som ein av to gode menn som medseglar eit salsbrev frå Eirik Torfinnsson til Håvard Botolvsson.¹⁰⁷⁹ Ut frå desse opplysningane har han tilhørt den lokale eliten på Voss.

SAK 361: 9. mai 1439, [Voss]: Vitnebrev frå Jøsse Jenson, ombodsmann på Voss, Torgeir Erlingsson, Asle Sigurdsson, Torfinn Eindridesson, Gunnar Torleivsson, Botolv Erlingsson, Hans Torgeirsson og Olav Sveinsson, svorne [menn]. Dei var til stades då herr Nikolas Petersson, kannik i Bergen og sokneprest på Voss, gjorde makeskifte med **Askjell Torsteinsson** (sjå s. 266). Nikolas overlot til Askjell to teigar i lille Ringeim (Voss 53) i Bosstrond åtting, som før låg til Lekve (Voss 47) i Gullfjordungen, og Askjell overlot til Nikolas 2 mmb i Høyland (Voss 68) i Bosstrond, som no skal liggja til Lekve.¹⁰⁸⁰

Askjell Torsteinsson er handsama tidlegare.

SAK 362: 1439, Vossevangen: Vitnebrev frå Jon Bjarnesson, Arnbjørn Eiriksson og Eirik Torgilsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Gaute Gisleson** selde $1\frac{1}{2}$ mmb i Bårdstunet i Syndve (Vst 25–26) i Vinje kyrkjesokn i Holebygd på Voss til **Olav Petersson**, for 3 kyrlag, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁰⁸¹

På Takla på Voss den 14. oktober 1447 vitnar Eirik Torgilsson, Botolv Erlingsson, Arnfinn Isaksson og Kalle Omundsson, lagrettemenn på Voss, at dei var til stades då **Hallgrim Hall-**

1076. DN XXI, nr. 433.

1077. DN XXI, nr. 398.

1078. DN IV, nr. 875, og DN XXI, nr. 435.

1079. DN I, nr. 719

1080. DN XXI, nr. 377.

1081. DN IV, nr. 875.

grimsson, i ombod for kona si **Tora Arnesdotter**, selde 3 mmb i Bårdtun i Syndve i Vinje kyrkjesokn i Holebygda på Vossetrand («strandha vos») til **Olav Petersson** for 5 ½ kyrlag, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁰⁸²

Korkje **Gaute Gisleson**, **Hallgrim Hallgrimsson** eller **Tora Arnesdotter** har eg funne meir om, men **Olav Petersson** er helst identisk med lagrettemannen av same namn frå 1461 og 1468. I det første brevet er han nemnt sist av tre lagrettemenn på Voss, i det siste som nummer sju av ni.¹⁰⁸³ Frå 1468 har ein også overlevert seglet hans som inneheld eit bumerke. Ut frå ombodet som lagrettemann er det rimeleg å rekna han til den lokale eliten på Voss.



Figur 59. Seglet til Olav Petersson frå 1468 (DN II, nr. 870). Teikning i NRA, KA.

SAK 363: 27. oktober 1440, Bergen: Domsbrev frå Jon Olavsson, Eindride Halvdansson, Guttorm Jonsson, Håkon Audunsson, Olav Jensson og Hallstein Solleson, rådmenn i Bergen. Kom for dei Gudleik Ormsson i fullt og lovleg ombod for **Halle Torgeirsson** på den eine sida, og **Ragnhild Hallsdotter** på den andre sida. Gudleik kjærde på Ragnhild om den jorda som heiter Gjerdåker (Voss 90) og som hennar avdøde mann, **Arnfinn Oddsson**, hadde gjeve henne i tilgåve. Gudleik hevda at gåva ikkje var lovleg, men kunne ikkje prova det. Dei tildømte dermed Ragnhild Hallsdotter jorda.¹⁰⁸⁴


Halle Torgeirsson opptrer som brevutferdar og lagrettemann på Voss fleire gonger i tida mellom 1438 og 1470,¹⁰⁸⁵ og det er dermed rimeleg å rekna han til den lokale eliten på Voss. Han er dessutan part i ei sak frå 1447 (sak 369), der han vert tiltalt som beskjedeleg mann. Det finnest diverre ikkje segl etter han. Ettersom han gjer krav på jorda i Gjerdåker i 1440, må ein rekna med at han er nærskyld til Arnfinn Oddsson.

1082. DN XXI, nr. 443.

1083. DN XXI, nr. 521 (1461); DN II, nr. 870 (1468)

1084. DN IV, nr. 879.

1085. DN XXI, nr. 368 (1438, ikkje nemnt lagrettemann); DN III, nr. 792 (1446); DN XXII, nr. 458 (1449), 465 (1450), og 561 (1469); DN IX, nr. 358 ([1460–1470]).




Figur 60. Seglet til Arnfinn Oddsson frå 1392 (*NøSigV*, nr. 1192).

Ragnhild Hallsdotter er enkje etter **Arnfinn Oddsson**. Den einaste Arnfinn Oddsson eg har vore i stand til å finna på Voss, er han som i 1392 er omtalt som kongens ombodsmann på Voss.¹⁰⁸⁶ Er dette rett må Arnfinn reknast til den lokale eliten. På bakgrunn av patronymet hans, samt eigedomen i Gjerdåker, er det også grunn til å rekna med at han var ein etterkomar etter Odd Oddsson på Røte og Gjerdåker (sjå s. 207). Det er eit langt sprang frå 1392 til 1440, men det er slett ikkje umogleg.¹⁰⁸⁷ Ragnhild kan ha vore ung og gifta seg med ein gammal Arnfinn. Det er lite truleg at det var barn i dette ekteskapet, men ho må

ha gifta seg opp att ikkje lenge etter. I ei sak frå 1466 nedanfor (sak 387), kjem det fram at ho har minst to born, og har gjeve Gjerdåker til dottera si Arngunna (sjå s. 285), som då rimelegvis var ei dotter av Arnfinn Oddsson og Ragnhild Hallsdotter. Eg set inn ei slektstavle for å visa den sannsynlege samanhengen.

Tavle 11. Ragnhild Hallsdotters slektskrins

Odd Oddsson på Rogne,
Røte og Gjerdåker,
n. 1315–1333
(sjå tavle 2 på s. 203)



1086. DN II, nr. 531: «Anfinur Odz son konongs wmbodsz man a Wors».

1087. Kindem 1935, s. 127, og 1936, s. 56, reknar også med at dette er same mann. Han har jamvel konstruert ein Odd Oddsson som son av Odd Oddson på Røte og far til Arnfinn Oddsson. Denne Odd Oddsson er ikkje omtalt i kjeldene.

SAK 364: 14. august 1441, Vossevangen: Makeskiftebrev frå biskop Olav i Bergen. Han har gjort makeskifte mellom kyrkja på Vangen og **Eiliv Gudleiksson**, med samtykke frå kyrkjias ombodsmann og ålmenta. Eiliv gav til kyrkja 1 ½ mmb i nedre tunet som heiter Kalletun i Vinsand (Voss 236) i Vikar åtting på Voss, og biskopen overlot til Eiliv 1 mmb i Liland (Voss 246) i Vikar åtting.¹⁰⁸⁸

Eiliv Gudleiksson har eg berre funne nemnt i eitt anna brev. Det er då han er nemnt først av tre lagrettemenn som beseglar eit salsbrev på Vossevangen den 6. mars 1451.¹⁰⁸⁹ Lagrettemannsombodet indikerer tilhøyrse til den lokale eliten.

SAK 365: 19. desember 1446, Vossevangen: Vitnebrev frå Sune Eiriksson, sokneprest på Voss, Bjarne Olavsson, Halle Torgeirsson, Botolv Erlingsson, Helge Torbjørnsson og Sigurd Guttormsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades for kongens ombodsmann [på Voss] Eirik Torgilsson, lensmann, då hustru **Gjertrud Jakobsdotter** (sjå s. 269) førte vitner om fiskerettar i Evanger og Vangen sokner. Helge Asbjørnsson og Kalv Bergtorsson, lagrettemenn, og Torstein Toresson vitna at **Sigurd Arnbjørnsson på Hernes** åtte og arva etter far sin 3 mmb i Hoså og på Hosland (vel Eva 50) med fiske og nettleige (med detaljert skildring). Desse 3 mmb selde Sigurd Arnbjørnsson til hustru **Åsa Håvardsdotter** (sjå s. 248) (med meir detaljert skildring av fleire fiskeri som ligg til eigedom). Bjarne Olavsson vitna at **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) og **Jørund Arnesson** (sjå s. 245) skifta fisket mellom seg, slik at Botolv fekk frå Jørund heile «Buugs» fiske i «ofre a firir ofan æigo», og Jørund fekk derimot så mykje fiske som Botolv åtte i Horveidså på Bolstadlandet (vel Eva 65) frå «Bugh» som ligg under «Throlfith» og opp til «Gryfvio».¹⁰⁹⁰

Sigurd Arnbjørnsson på Hernes (Eva 59) må ha selt dette godset før hustru Åsa døydde, det vil truleg seia før 1412. Ut over det som kjem fram i dette brevet har eg ikkje funne informasjon om han, og det gjer det uråd å identifisera han. Dei øvrige involverte i denne saka er handsama tidlegare.

SAK 366: 10. mars 1447, Eide på Voss: Vitnebrev frå Askjell Torsteinsson og Eirik Torgilsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då ærleg mann **Magnus Hogenskild** og velboren hustru **Gjertrud Jakobsdotter** (sjå s. 269), på den eine sida, og **Arnbjørn Eiriksson** (sjå s. 270) på den andre sida, handtokst og var samde om at Magnus Hogenskild og hustru Gjertrud Jako-

1088. DN XXI, nr. 398.

1089. DN VI, nr. 537. Han opptrer her saman med ein Jon Gudleiksson, som kan henda er broren.

1090. DN III, nr. 792.

bsdatter og alt Finne-folket som er arvingar etter **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259), skal ha og følgja så mykje fiske som dei eig i Håland og på Eidslandet (i Bruvik?) som dei før har gjort, og likeeins skoghogst i Eidsskogen.¹⁰⁹¹

Magnus Hogenskild var ein svensk væpnar av ei opphavleg dansk slekt,¹⁰⁹² og som seinast i 1447 var gift med Gjertrud Jakobsdatter. I vossingane sitt valbrev som dei sender til Karl Knutsson i september 1449, skriv dei og ber om støtte til å stå imot presset frå «summa aff rijkensens radh» som har skrive til dei «um den danska konungh att wij skulom intaka för war kong, hwilket oss är thet storlige a mothe». Vidare skriv dei at dei sender Magnus Hogenskild («Haugenskioldh») av våpen, slik at han munnleg kan setja kong Karl inn i situasjonen.¹⁰⁹³ Absalon Taranger nemner at historikarar har hevda at Magnus Hogenskild har agitert for valet av Karl Knutsson på Vestlandet, men understrekar at «derom har vi ialfald ingen efterretning».¹⁰⁹⁴ Etter at posisjonen til kong Christian var sikra i Noreg, kan det sjå ut til at Magnus Hogenskild har flykta til Sverige,¹⁰⁹⁵ der han ser ut til å ha blitt verande resten av livet. Han er framleis der i 1462 då hustru Gjertrud seier at ho vil reisa til han i Sverige, og gå i kloster med alt jordegodset (sak 385).

SAK 367: 9. april 1447, Vossevangen: Vitnebrev frå Sune Eiriksson, sokneprest på Voss, Eirik Torgilsson, Arnvid Olavsson, Olav Sveinsson, Romund Einarsson og Peter Magnusson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Eiliv Omundsson** (sjå s. 266) lyste at han hadde selt til **Askjell Torsteinsson** (sjå s. 266) 5 mmb i Gjernes (Voss 196) i Bordalen i Vangen kyrkjesokn på Voss, omlag seks år før Eskil fekk biskopsombod slik kjøpebrevet melder om, for 3 kyrlag, og fått full betaling.¹⁰⁹⁶

Begge desse er handsama tidlegare.

SAK 368: 21. juni 1447, Bergen: Domsbrev frå Jon Eiriksson, Viking Bjarnesson, Salmund Vikingsson, Eirik Torgilsson, Hallstein Kolbjørnsson og Aslak Petersson, lagrettemenn. Dei var på sett lagting i Bergen, og kom då fram for lagmannen og lagretten **Jösse Jensson** («Jusse Jønnesson») på den eine sida, og på den andre sida **Gyda Øysteinsdatter** (sjå s. 255) i fullt ombod for **Torstein Toresson** (sjå s. 255), husbonden sin. Jösse Jensson kjærte då på Gyda

1091. *DN* II, nr. 773.

1092. Etter ein tradisjon i familien Huitfeldt, skal denne slekta tidlegare ha heitt Hogenskild, men om dette stemmer, er uvisst. Jf. t. d. Kr. Erslev i *DBL* VII, s. 503, s. v. «Hogenskild, Peder». Om Hogenskild, sjå elles *DAA* 1887; for Huitfeldt sjå *DAA* 1887 og 1949.

1093. *NGL* 2 II, s. 21–22.

1094. Taranger 1917, s. 67.

1095. Taranger 1917, s. 87.

1096. *DN* VI, nr. 506.

Øysteinsdotter om den søsterluten som **Sigrid Vikarsdotter** arva etter mor si, 2 mmb i Geitle (Eva 49) og så mykje som er i Geitleåsen. Etter gjennomgang av prov vart denne søsterluten tildømt Jøsse Jensson.¹⁰⁹⁷

Jøsse Jensson er absolutt ikkje eit norskklingande namn, men namna Jøsse og Jens førekjem desto oftare i Sverige. Dermed kan det vera freistande å tenkja seg at Jøsse Jensson har kome til Voss i følgjet til Magnus Hogenskild (sjå s. 274), men at han, i motsetnad til Magnus Hogenskild, har blitt verande på Voss. I 1466 er han gift med ei Torbjørg Oddsdotter (sjå sak 388). Ut over dette har eg ikkje funne noko om han, og han let seg vanskeleg identifisera nærare.

Sigrid Vikarsdotter er berre omtalt i dette brevet, og let seg dermed ikkje identifisera sosialt. Etersom det her er tale om ein søsterlut i Geitle, og Jøsse Jensson opptrer på hennar vegne, er det ikkje usannsynleg at ho er mor til Torbjørg Oddsdotter som i 1466 er sagt å vera gift med Jøsse Jensson, og som arva ein søsterlut i Geitle etter foreldra sine (sjå sak 388).

SAK 369: 18. august 1447, Dukstun på Kvitheim (Dukstad) på Voss: Vitnebrev frå Bjarne Olavsson, Orm Ivarsson og Eirik Torgilsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då heiderleg kvinne hustru **Sigrid Arnbjørnsdotter** gav stølen Kvitno («quipuer») (truleg Voss 213–214), som låg til 20 mmb i Ronve (Voss 197) i Bordalen i Vangen kyrkjesokn på Voss, til beskjedeleg mann **Halle Torgeirsson** (sjå s. 271). Ronves eigarar skal ikkje seinare ha krav på stølen.¹⁰⁹⁸

Sigrid Arnbjørnsdotter må på bakgrunn av hustrutittelen ha vore gift med ein væpnar, og må dermed reknast til aristokratiet. Noko meir om henne har eg ikkje funne. Halle Torgeirsson er handsama tidlegare.

SAK 370: 17. november 1448, Vossevangen: Vitnebrev frå Asle Sigurdsson, Orm Ivarsson, Eirik Torgilsson, Romund Einarsson og Jørund Gudleiksson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då herr Sune Eiriksson, sokneprest på Voss, gjorde makeskifte med **Askjell Torsteinsson** (sjå s. 266), slik at Askjell gav til herr Sune og prestebølet 5 mmb i Jernes (Voss 196) i Bordals åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, mot at Askjell fekk tilbake 3 mmb i Lunde (vel Voss 244), 2 ½ mmb i Tråo (Voss 55), 4 mmb i Fitjo (Voss 59) og 1 mmb i Skulestad (Voss 58) i Bosstrond åtting.¹⁰⁹⁹

Askjell Torsteinsson er handsama tidlegare.

1097. DN X nr. 192.

1098. DN XXI, nr. 442.

1099. DN XXI, nr. 447.

SAK 371: 16. mars 1449, Tvilde på Voss: Vitnebrev frå Sune Eiriksson, sokneprest på Voss, Askjell Torsteinsson, Helge Torbjørnsson, Gudbrand Kjetilsson, Alv Torgeirsson, Einar Einarsson og Odd Alvsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då velboren kvinne hustru **Gjertrud Jakobsdotter** (sjå s. 269) selde 2 ½ mmb i Tvilde (Voss 89) i Vinjar åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss til **Gard Olavsson**, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹⁰⁰

Gard Olavsson er handsama nedanfor saman med resten av Tvildefolket (sjå sak 393).

SAK 372: 14[4]9(?), [Vossevangen]: Vitnebrev frå Halle Torgeirsson og Peter Magnusson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då herr Sune Eiriksson, sokneprest på Voss, gjorde makeskifte med **Hollolv Amundsson** og **Amundsson**, slik at herr Sune gav til dei 1 mmb i «ho - - bodh» og 1 mmb i Fenne (Voss 166–167),¹¹⁰¹

Hollolv Amundsson opptrer berre ved eitt anna høve. Det er då han i 1456 er nemnt sist av to lagrettemenn på Voss som utferdar eit vitnebrev om at bøndene i Kvitlar åtting frå gammalt av har felles veg over Brynbruua.¹¹⁰² Ut frå dette kan han reknast til den lokale eliten. Helst er det vel bror hans som er den andre Amundssonen i denne saka frå 1449(?).

SAK 373: 30. november 1450, [Hydle på Voss]: Vitnebrev frå Botolv Erlingsson, Halle Torgeirsson, Sigurd Arnesson og O.... [S]veinsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades på Hydle i bryllaupet til **Vemund Asleson** og **Gunnor Torfinnsdotter** då dei la alt sitt lause og faste gods i helming, med unnatak av 5 mmb i Himle (Voss 202–203), som Gunnor skulle eiga særskilt.¹¹⁰³

Vemund Asleson og **Gunnor Torfinnsdotter** opptrer berre i denne eine saka, og det har ikkje lukkast å identifisera dei.

SAK 374: 6. mars 1451, Vossevangen: Salsbrev frå Alv Torgardsson, prost ved Apostelkyrkja i Bergen. Han har selt til beskjedelege menn **Sigurd Kjetilsson** og **Arnfinn Sigurdsson** 8 mmb i øvre Klyve (Voss 118) i Bøar åtting på Voss, for 16 kyrlag, og 4 mmb i Lemme (Voss 106–107) i Vinje åtting på Voss for 3 kyrlag, ei jord som **Magnus Sveinsson** betalte i kongens sakøyre, med samtykke frå **Arnljota**, kona til Magnus. Han vedgår å ha fått full betaling.¹¹⁰⁴

1100. DN IV, nr. 906.

1101. DN XXI, nr. 458.

1102. DN XXI, nr. 480.

1103. DN XXI, nr. 465.

1104. DN VI, nr. 537.

Sigurd Kjetilsson og **Arnfinn Sigurdsson** er kan henda far og son. Desse to er vanskelege å plassera sosialt, ettersom ein ikkje kjenner dei sikkert frå andre brev. Det kan likevel vera den same Sigurd Kjetilsson vi møter som lagrettemann på Voss i eit brev frå 1401,¹¹⁰⁵ då han kan ha vore svært ung i 1401 og ditto gammal i 1451. I 1552 vitnar lensmannen og ti lagrettemenn på Voss at Arnfinn Jonsson og Knut Jonsson, samborne brør, kom for dei og prova at dei var rette odelsmenn til 4 mmb i Lemme (Voss 106–107) i «Hæslebrecke» i Vinje åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, og kravde difor same odel igjen frå Omund Gudleiksson, Torstein Brynjulvsson og Lars Asbjørnsson, som for ei ring tid sidan hadde kjøpt jorda, men ikkje frå rette odelsmenn. Difor dømte lagretten at Arnfinn og Knut skulle ha deira odel igjen, og betala til Omund Gudleiksson og Torstein Brynjulvsson ½ daler for dei 3 mmb, og 1 ort til Lars Asbjørnsson for 1 mmb. Betalinga vart oppgjort på staden slik at Arnfinn og Knut gav, for deira velviljuge opplating av jorda, til Omund og Torstein 1 daler, og til Lars ½ daler.¹¹⁰⁶ Arnfinn Jonsson møter vi fleire gonger som lagrettemann på Voss i tida 1536–1563,¹¹⁰⁷ medan eg ikkje har funne broren Knut i andre brev. Begge desse to kan ein nok rekna med tilhøyrrer gråsona mellom bønder og lokal elite i brytingstida etter reformasjonen. Det er elles rimeleg å rekna med at desse to er etterkomarar etter Sigurd Kjetilsson og Arnfinn Sigurdsson som opptre i denne saka.

Magnus Sveinsson og kona hans, **Arnljota**, har eg ikkje funne meir om.¹¹⁰⁸

SAK 375: 25. august 1454, Vossevangen: Vitnebrev frå Sune Eiriksson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen og prest på Voss, og Håvard Hallgrímsson, lagrettemann på Voss. Dei var til stades då **Ingrid Gudmundsdotter** og **Gudmund Askjellsson** avstod til fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269) 10 laupsbol i Sausjord (Vst 28) i Vinje kyrkjesokn på Voss, for det ombodet som Ingrid og Gudmund hadde hatt for fru Magnhild i 6 år.¹¹⁰⁹

Den 27. eller 28. august 1454 gjev fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269) kvittering til Ingrid, Eskils hustru, og hennar son Gudmund Askjellsson for avlagt rekneskap for gods som ho åtte, og som dei hadde hatt i ombod i 6 år.¹¹¹⁰

1105. DN XV, nr. 40. Han er her nemnt sist av tre lagrettemenn.

1106. DN VI, nr. 776.

1107. DN VI, nr. 728 (1536, nemnt sist av 11); DN XXI, nr. 1029 (1556, nemnt som nr. 2 av 4); DN XXI, nr. 1093 (1560, nemt som nr. 2 av (minst) 7); DN IX, nr. 788 (1563, nemnt som nr. 1 av 10).


1108. Ut over dette brevet, har eg berre funne ein Magnus Sveinsson mellom 1350 og 1460. Han utferdar eit brev i eigenskap av sylemann i Valdres den 7. mars 1384 (DN IX, nr. 179; RN VII, nr. 1154), men det er høgst tvilsamt om dette er same mann. Brevteksten frå 1451 indikerer at kona hans var i live då, noko som gjer det lite sannsynleg at det er same mann.

1109. DN IX, nr. 322.

1110. DN XXI, nr. 474.

Ingrid Gudmundsdotter må vera enkje etter lagrettemannen og bispeombodsmannen Askjell Torsteinsson som er handsama tidlegare (sjå s. 266). Ho opptrer første gong i denne saka, samt i sakene 378 og 398 nedanfor. Der kjem det fram at ho er gift på nytt med Eiliv Arnvidsson (sjå s. 280). Ut over dette har eg ikkje funne ho omtalt i kjeldene, men ekteskapa hennar fører ho inn i gråsonen mellom den lokale eliten og aristokratiet. Eg set her inn ei slektstavle som viser dei sannsynlege slektskapstilhøva.

Tavle 12. Ingrid Gudmundsdotters slektskrins



Figur 61. Seglet til Gudmund Askjellsson frå 1468 (*DN* II, nr. 870). Teikning i NRA, KA.

Gudmund Askjellsson er berre part i denne eine saka, men førekjem fire gonger som lagrettemann i tida 1468–1475.¹¹¹¹ I alle desse fire breva er han nemnt som nummer to, like etter Orm Ivarsson (sjå s. 294) som klårt må reknast til aristokratiet. Det høver godt med det vi veit om Askjell Torsteinsson også. Ein Amund Askjellsson som opptrer som lagrettemann i 1455 (sjå neste sak) er kan henda ein eldre bror av Gudmund.

1111. *DN* I, nr. 885 og 886 (begge frå 1468); *DN* II, nr. 870 (1468); *DN* VI, nr. 580 (1475).

SAK 376: 9. april 1455, Vossevangen: Vitnebrev frå Silfest Bergulvsson, Kalle Amundsson og Amund Askjellsson, lagrettemenn på Voss. Dei var på Takla den 25. mars då **Brynjulv Aslaksson** selde 2 mmb i fremre tunet på Takla (Voss 185–186) til **Arne Petersson** for 1 laup og 4 kyrlag, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹¹²

Korkje **Brynjulv Aslaksson** eller **Arne Petersson** er funne i andre kjelder, og dei let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 377: 16. april 1455, Flatekvål på Voss: Gåvebrev frå **Torfinn Henriksson**, lagrettemann på Voss. Han har gjeve til Vangen prestebol 5 mmb i øvre Afdal (Voss 70) til sjelehjelp for seg og sine foreldre. Jorda skal følgja Torfinn så lenge han lever, men deretter gå til prestebolet.¹¹¹³

Torfinn Henriksson opptre berre i denne eine saka, og eg har ikkje funne han i andre kjelder heller. Ombodet som lagrettemann identifiserer han likevel med tilhørsle til den lokale eliten.

SAK 378: 14. februar 1456, Vossevangen: Vitnebrev frå Sone Eriksson, korsbror ved Kristkyrkja i Bergen, Sigurd Guttormsson, Alv Torgeirsson, Odd Alvsson og Silfest Bergulvsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Brynjulv Bessesson** vedgjekk og tilstod frenden sin, **Torleiv Gunnarsson**, den jorda som **Bothild Bessesdotter** hadde selt til Torleiv, og som Bothild åtte i Gjerde (Voss 54). Han tilstod også at **Orm Kavle** var odelsmann i Gjerde, og **Eiliv Arnvidsson** som åtte halve Gjerde på kona, **Ingrid [Gudmundsdotter]** (sjå s. 278), sine vegne, at **Arnfinn Isaksson** skulle råda for det kjøpet som Arnfinn hadde gjort av **Eindrive Sigurdsson** og som **Ingegjerd Hallsteinsdotter** hadde arva etter førnemnte Torleiv, sonen sin. Arnfinn Isaksson baud Bothild så mykje pengar som stod att på Eindrives vegne i Gjerde.¹¹¹⁴

Den 13. juni 1456 vitnar så Halle Torgeirsson og Gard Olavsson at i 1450 selde **Bothild Bessesdotter** 3 mmb i Gjerde (Voss 54) til **Torleiv Gunnarsson**, for 12 kyrlag og på det villkår at Torleiv skulle halda Bothilda med kost og klede så lenge ho levde. Sjølv skulle ho ha landskylda på livstid, men han skulle rå for husa.¹¹¹⁵

Eit lagrettebrev dagsett Syse i Ulvik den 22. mai 1457, fortel at **Ingegjerd Hallsteinsdotter** selde til **Eindrive Sigurdsson**, frenden sin, så mykje jord i Gjerde (Voss 54) på Voss som ho arva etter sonen sin, **Torleiv Gunnarsson**.¹¹¹⁶

1460, Hakastad i Ulvik: Kunngjering om at på Lægreid i Eidfjord betalte **Hallstein** ut den

1112. DN XXI, nr. 476.

1113. DN XVI, nr. 187.

1114. DN I nr. 835.

1115. DN XXI, nr. 481.

1116. DN XXI, nr. 484.

arven som han hadde motteke etter **Torleiv Gunnarsson**, og fekk kvittering for det.¹¹¹⁷

I Bergen, den 22. juni 1467, vitnar riddaren Jon Smør at han var til stades på Gjerde på Voss i februar 1463 då **Eindrive Sigurdsson** avstod til **Torgunna Eilivsdotter**, enkje etter **Arnfinn Isaksson**, og hennar arvingar, 6 mmb i Gjerde (Voss 54), og vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹¹⁸

Ein gong i slutten av mai [1460–1470], på Gjerde på Voss, vitnar Halle Torgeirsson, Gudbrand Kjetilsson, Peter Magnusson og Odd Alvsson, lagrettemenn på Voss, at dei var til stades då **Torgunna Eilivsdotter** gav til **Brynjulf Bessesson** 3 kyrlag i venegåve av di han stadfesta sitt tidlegare sal av 6 mmb i Gjerde (Voss 54) i Bosstrond åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss til **Arnfinn Isaksson**.¹¹¹⁹

Brynjulf Bessesson og **Bothild Bessesdotter** er rimelegvis søsken. Ingen av dei førekjem i andre kjelder enn dei som vedrører denne saka, og dei let seg dermed ikkje identifisera nærare.

Torleiv Gunnarsson er frenden til Brynjulf Bessesson og sonen til Ingegjerd Hallsteinsdotter. Ut over det som går fram av desse breva ovanfor, har eg ikkje funne meir om han heller.

Orm Kavle er nok på eitt eller anna vis ein ætting av den Orm Kavle som levde på 1300-talet (sjå s. 225). Opplysninga om at han er odelsmann i Gjerde, gjer det freistande å identifisera han med den Orm Pålsson som opptre i 1475 (sjå sak 398), men dette er høgst usikkert. Noko om den sosiale statusen hans har eg ikkje funne.

Eiliv Arnvidsson opptre også berre i denne saka, samt i sak 398 nedanfor. På bakgrunn av ekteskapet hans med Ingrid Gudmundsdotter (sjå s. 278) må han reknast til den lokale eliten på Voss, trass i at han er funnen å opptre i offentlege ombod. Kan henda er Torgunna Eilivsdotter nedanfor, ei dotter av Eiliv frå eit tidlegare ekteskap (jf. tavle 12 på s. 278).

Arnfinn Isaksson har eg funne nemnt første gong i kjeldene i 1447 då han opptre som lagrettemann på Voss,¹¹²⁰ og i 1449 er han nemnt sist av dei 11 lagrettemennene på Voss som utferdar valbrevet til Karl Knutsson.¹¹²¹ I eit brev frå 1459 kjem det fram at han hadde hatt ei trette med Birning Karlesson (sjå s. 281) om ein gard på Voss,¹¹²² og han er også nemnt i eit par andre saker nedanfor. I 1463 er han død, ettersom brevet frå 1467 ovanfor omtalar Torgunna Eilivsdotter som

1117. *DN XXI*, nr. 512.

1118. *DN II*, nr. 866.

1119. *DN IX*, nr. 358.

1120. *DN XXI*, nr. 443.

1121. *Ngl. 2 II*, s. 22.

1122. *DN XXI*, nr. 501.

enkje etter Arnfinn Isaksson. Arnfinn må også ha vore gift tidlegare, og har sonen Isak (sjå s. 293) frå dette ekteskapet. Han må reknast til den lokale eliten.

Eindrīde Sigurdsson er frenden til Ingegjerd Hallsteinsdotter. Ut over denne saka her, har eg ikkje funne han omtalt i kjeldene. Det opptrer rett nok ein Eindrīde Sigurdsson i første halvta av 1400-talet som borgar og lagrettemann i Oslo, men det er neppe tale om same mann.

Ingegjerd Hallsteinsdotter har eg heller ikkje funne omtalt i andre kjelder enn dei som omtalar denne saka. Ho har rimelegvis vore gift med ein Gunnar som igjen er far til Torleiv Gunnarsson ovanfor, og det er etter alt å døma denne Gunnar som har ått jord i Gjerde. **Hallstein** som er nemnt i 1460-brevet, er kan henda far til Ingegjerd, som dermed kan tenkjast å ha vore frå Hardanger snarare enn frå Voss.

Torgunna Eilivsdotter er kan henda ei dotter av Eiliv Arnvidsson (sjå s. 280; jf. tavle 12 på s. 278) frå eit tidlegare ekteskap. Ho opptrer også i 1490 då ho sel jorda i Gjerde (sjå sak 401), og ho kan trygt reknast til den lokale eliten på bakgrunn av ekteskapet sitt med Arnfinn Isaksson.

SAK 379: 1459, [Gjukastein på Voss]: Vitnebrev frå Gudbrand Kjetilsson og Gardar Olavsson, lagrettemenn på Voss. Dei var på Gjukastein då **Arnbjørn Hollolvsson** og **Birning Karleson** selde til **Torstein Einarsson** 7 mmb i det tunet som heiter Århus i Kvarme (Vst 54–55) i Bosstrond(!) åtting på Voss, og at **Hallvard Erlingsson** selde til same Torstein Einarsson 2 mmb i same tunet. Seljarane vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹²³

Arnbjørn Hollolvsson har eg ikkje funne meir om. Ettersom han sel jord saman med Birning Karleson, er det rimeleg å rekna med anten slektskap eller svogerskap mellom dei, men korleis dette har vore er uråd å seia.

Birning Karleson er tvillaust identisk med han som i 1443 vert idømt ei bot for ærekrenkande omtale av ei Jorunn Sveinsdotter.¹¹²⁴

Han er truleg også identisk med ein Birning «kallfsson» (vel feilskrift) som i 1459 er sagt å ha hatt ei trette med Arnfinn Isaksson.¹¹²⁵ Birning

ing Karleson er omtalt som lagrettemann første gong i 1449 då han er nummer seks av dei 11 lagrettemennene som utferdar vossingane sitt valbrev til kong Karl Knutsson. Der førekjem også



Figur 62. Seglet til Birning Karleson frå 1468 (DN II, nr. 870). Teikning i NRA, KA.

1123. DN XXI, nr. 503.

1124. DN XXI, nr. 413.

1125. DN XXI, nr. 501.

ein Jon Karlesson som kan henda er broren.¹¹²⁶ I 1461 er han lagrettemann saman med ein Karle Birningsson,¹¹²⁷ som truleg er sonen hans,¹¹²⁸ og i 1468 er han nemnt to gonger som høvesvis nummer tre av ni og tre av ti lagrettemenn på Voss.¹¹²⁹ Birning kan ut frå dette reknast å tilhøyra den lokale eliten.

Torstein Einarsson er kan henda identisk med den Torstein Einarsson som, saman med Amund Arnfinnsson og Torleiv Halleson, i 1487 får kvittering frå biskop Hans Teiste for deira ombod over Vossekyrkja dei tre føregåande åra.¹¹³⁰ Dette medfører at eg reknar han til den lokale eliten. Ut over dette har eg ikkje funne meir om han.

Hallvard Erlingsson har det ikkje lukkast å finna meir informasjon om, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 380: 15. august 1461, Vossevangen: Vitnebrev frå Orm Ivarsson og Gudbrand Kjetilsson, lagrettemenn på Voss. Dei var på Tvilde då **Peter Håvardsson** kravde landskyld av dei 2 ½ mmb i Tvilde (Voss 89) som mor hans, hustru **Gjertrud Jakobsdotter** (sjå s. 269), hadde selt til **Gard Olavsson**. Peter Håvardsson ville ikkje stå ved dette salet. Dei vart forlikte på den måten at Gard skulle gje ein ytterlegare kjøpesum for garden.¹¹³¹

Peter Håvardsson er son av Håvard Botolvsson (sjå s. 259) og Gjertrud Jakobsdotter (sjå s. 269). Han kan trygt reknast til aristokratiet, men er berrre omtalt i dette eine brevet, og er truleg død ikkje så lenge etter, seinast i 1462.

Gard Olavsson er handsama nedanfor under folket på Tvilde (sjå sak 393).

SAK 381: 1461, [Voss]: Vitnebrev frå Olav Sveinsson og Peter Magnusson, lagrettemenn på Voss. Dei høyrte at **Gyda Magnusdotter** gav til prestebolet på Vangen på Voss 2 mmb i midtre tunet i Øyde-Honve (Voss 33–34) i Gullfjordungen på Voss, som sjelegåve for seg sjølv og **Sigurd Ormsson** og alle som hadde ått partar eller rettar i Honve.¹¹³²

Gyda Magnusdotter har eg ikkje funne nemnt andre stader enn i denne saka.

1126. *NgL2* II, s. 22.

1127. *DN XXI*, nr. 522.

1128. Karle Birningsson er nemnt ein gong til, då som medsegjar under eit salsbrev dagsett Evanger den 6. august 1466 (*DN II*, nr. 863).

1129. *DN II*, nr. 870; *DN I*, nr. 886.

1130. *DN XXI*, nr. 624.

1131. *DN IV*, nr. 950.

1132. *DN XXI*, nr. 520.

Sigurd Ormsson er kan henda son til den Orm Halldorsson som kjøpte jord i Dagestad i 1369 (sjå s. 244), ettersom han er sagt å eiga jord i denne garden i neste sak. Eg har ikkje funne han omtalt i andre kjelder enn dei som er refererte her.

SAK 382: 1461, [Voss] (2): Vitnebrev frå Olav Svein[sson], Peter Magnusson og Olav Petersson, lagrettemenn på Voss. Dei kunngjer at **Nikolas Jonsson** gav til prestebolet på Vangen på Voss 2 mmb i bygdetunet i Dagestad (Voss 238), som sjelegåve for seg, kona hans **Ingjerd Amundsdotter, Sigurd Ormsson** og **Torgeir «hafua.....»** (vel Håvardsson), og alle andre som hadde ått jord i Dagestad.¹¹³³

Nikolas Jonsson har eg ikkje funne i andre brev enn dette, og han er dermed ikkje mogleg å identifisera nærare. Kona hans, **Ingjerd Amundsdotter**, har eg heller ikkje funne meir om.

Torgeir Håvardsson må vera identisk med han som er nemnt mellom dei «gode gamle Mænd» som vitnar om delet mellom prestegarden og ålmenninga og mellom Tyrlingen og ålmenninga på Voss i 1457 og 1458.¹¹³⁴ Opplysninga om at han er gammal i 1457, gjer det sannsynleg at han også er identisk med den Torgeir Håvardsson som er nemnt lagrettemann på Voss ved fleire høve mellom 1396 og 1430.¹¹³⁵ Dette fører han inn i den lokale eliten, og han må ha hatt relativt høg sosial status ettersom han ofte er nemnt først mellom lagrettemennene gjennom heile perioden. Dei einaste som er nemnt



Figur 63. Seglet til Torgeir Håvardsson frå 1401 (DN III, nr. 560). Teikning i NRA,KA.

framfor han er Alvfinn Brynjulvsson (sjå s. 260) i 1401 og 1402, og Arnbjørn Oddsson i 1430. Den sistnemnte rangerer jamvel før Askjell Torsteinsson (sjå s. 266) både i 1427 og 1438.¹¹³⁶

SAK 383: 1461, [Voss] (3): Vitnebrev frå Birning Karlesson og Karle Birningsson, lagrettemenn på Voss. Dei kunngjer at i 1461 selde **Gaute Sigurdsson** til **Guttorm Erlingsson** 1 pundsbol og 1 mmb i øvre tunet i Rjodo (Voss 220).¹¹³⁷

I 1470 utferdar så **Guttorm Erlingsson** og **Åshilda Gudleiksdotter**, kona hans, eit gåvebrev.

1133. DN XXI, nr. 521.

1134. DN XXI, nr. 486 og 493

1135. DN XXI, nr. 197 (1396), først av tre lagrettemenn; DN III, nr. 560 (1401), sist av to; DN I, nr. 582 (1402), sist av to; DN XXI, nr. 301 (1424), først av ni; DN XXI, nr. 304 (1427), først av to; DN IV, nr. 845 (1430), nummer to av seks.

1136. DN I, nr. 716 og 764.

1137. DN XXI, nr. 522.

Dei har gjeve til Munkeliv kloster 1 mmb i øvre Rjodo (Voss 220) i Vikar åtting på Voss, til sjelefrelse for seg og sine foreldre, på villkår at arvingane deira kan løysa inn jorda for ein pris av 2 kyr.¹¹³⁸

Gaute Sigurdsson har eg ikkje funne omtalt andre stader enn i dette eine brevet, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare. **Guttorm Erlingsson** er heller ikkje omtalt i andre kjelder enn dei som vedrører denne saka, og det same gjeld kona hans, **Åshilda Gudleiksdotter**.

SAK 384: 25. august 1462, Røte på Voss: Pantebrev frå **Gard Rikolvsson**. Han har pantsett til velboren mann **Alv Knutsson**, riddar, 4 mmb i Geitle (Eva 49) samt alt det fiske som han åtte i elva på begge sider, for 40 kyrlag. Til vitnemål ber han etternemnte menn besegla brevet saman med han: Arnvid Olavsson, Olav Sveinsson, Orm Ivarsson, Tormod Helgesson, Arne Kjetilsson og Peter Magnusson, lagrettemenn på Voss.¹¹³⁹



Figur 64. Seglet til Gard Rikolvsson frå 1462 (DN IX, nr. 341). Teikning i NRA, KA.

Gard Rikolvsson har eg funne i berre eitt anna brev enn det som vedkjem denne saka. Det er i 1468 då han er nemnt sist av ti lagrettemenn på Voss (sjå sak 392). På bakgrunn av det vil eg rekna han til den lokale eliten. Rikolv-namnet er elles så sjeldsynt at det må vera eit samband herifrå og til ein Rikolv Arnesson som er nemnt på Voss i 1339 (sjå sak 278). Fleire med dette namnet er ikkje kjende før ein møter heile fire menn i Hardanger med dette førenamnet i tiendepengeskatten 1521,¹¹⁴⁰ og ein av desse er truleg far til Jørund Rikolvsson på Neseim i Granvin som i 1556 får noko jordegods i Holve (Gra 96) i Granvin kyrkjesokn i

Kinsarvik prestegjeld.¹¹⁴¹

Alv Knutsson var son av den svenske lagmannen og riksråden Knut Jonsson av slekta Tre rosor, og Agnes Alvsdotter, dotter til den norske riddaren og riksråden Alv Haraldsson. Han tilhørte dermed toppsjiktet i både det svenske og norske aristokratiet, og var sjølv riddar og riksråd i Noreg. Han var gift med Magnhild Oddsdotter (sjå s. 269) av ætta på Finne, og vart gjennom henne ein stor jordeigar på Voss. Ut over det opptretr han i ei rad av sakene nedanfor. Han døydde ein gong mellom 10. november 1496 og 15. oktober 1500.¹¹⁴²

1138. DN XXI, nr. 563.

1139. DN IX, nr. 341.

1140. Rikolv på Ljono i Ulvik (NRJ III, s. 144), Rikolv i Aurdal i Ulvik (NRJ III, s. 136), Rikolv på Bleie i Ullensvang (NRJ III, s. 154) og Rikolv på Sæbo i Eidfjord (NRJ III, s. 146).

1141. DN VI, nr. 787.

1142. Gillingstam 2001, s. 89–90, med svært utførlege kjeldetilvisingar. Biografi i Koht 1923 og H. Bjørkvik 1999a.

SAK 385: 19. september 1462, Bergen: Vitnebrev frå Per Åkesson av våpen og Arne Anundsson, rådmann i Bergen. Dei var til stades då herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284) forbaud hustru **Gjertrud Jakobsdotter** (sjå s. 269) å selja eller pantsetja hans hustrus og borns odelsods, som ho no åtte, etter at ho hadde takka nei til tilboda hans om styring av godset og hennar livsopphald, av di ho ville reisa til sin husbond **Magnus Hogenskild** (sjå s. 274) i Sverige og gå i kloster med alt godset.¹¹⁴³

Alle dei involverte i denne og den neste saka er handsama tidlegare.

SAK 386: 22. september 1462, Bergen: Pantebrev utferda av **Gjertrud Jakobsdotter** (sjå s. 269). Ho har pantsett til herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284), riddar, heile Finne (Voss 43) på Voss med øydegardar og alle lunder, samt det ho eig i Horveid (Eva 10) med fiske, for 3 halve stykker engelsk klede og 20 arnaldsgylden i gull. Ho lovar også ikkje å selja dette godset til nokon annan enn herr Alv Knutsson eller hans hustru fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269).¹¹⁴⁴

SAK 387: [9. april 1466], [Vossevangen]: Vitnebrev frå Olav Sveinsson «etc», lagrettemenn på Voss. Dei var til stades den 9. april 1466 då **Kjetil Brynjulvsson** kjærte på den gåva av jord i Gjerdåker (Voss 90) i Vinjar åtting, som hans mor **Ragnhilda Hallsdotter** (sjå s. 272) hadde gjeve si dotter **Arngunna**, og at det vart slutta forlik slik at Arngunna og Olav skulle gie Kjetil 10 kyrleiger i gode betalingsmiddel ved hans giftemål, mot å få behalda jorda.¹¹⁴⁵

Kjetil Brynjulvsson har rimelegvis vore relativt ung i 1466 etter som det ser ut til at han planlegg å gifta seg, og dette er første gong eg har funne han nemnt i kjeldene. Han er også part i eit par andre saker nedanfor, frå høvesvis 1472 og 1490 (sak 396 og 402). Ut over det finn vi han som nummer åtte av ni og ti lagrettemenn på Voss som utferdar brev i 1468 (sak 390 og 392), og i 1484 er han nemnt nest sist av fire menn som utferdar eit brev på Voss (sak 399). Etter 1490 har eg ikkje funne han omtalt i kjeldene. Ombodet som lagrettemann, samt at han er son av Ragnhild Hallsdotter, gjer det rimeleg å rekna han til den lokale eliten på Voss.



Figur 65. Seglet til Kjetil Brynjulvsson frå 1468 (DN II, nr. 870). Teikning i NRA, KA.

Arngunna er etter alt å døma ei dotter av Arnfinn Oddsson forutan av Ragnhild Hallsdotter (sjå s. 272 for begge desse), og må dermed reknast til den lokale eliten. Det same må også gjelda for

1143. DN II, nr. 846.

1144. DN I nr. 861.

1145. DN XXI, nr. 554.

mannen hennar, Olav. Kor vidt denne Olav kan vera identisk med brevutferdaren Olav Sveinsson, er usikkert.

SAK 388: 6. august 1466, Evanger: Salsbrev frå **Jøsse Jensson** (sjå s. 275). Han har i ombod for kona si, **Torbjörg Oddsdotter**, selt til herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284), riddar, så stor søsterlut som Torbjörg fekk i arv etter far sin og mor si i Geitle (Eva 49) og Åse (truleg Geitleåsen). Herr Alv og fru **Magnhild** (sjå s. 269) skal ha dette godset påkjærelaust. Han vedgår også å ha fått full betaling.¹¹⁴⁶

Torbjörg Oddsdotter, kona til Jøsse Jensson, er berre omtalt i dette eine brevet, og ettersom mannen hennar ikkje let seg identifisera sosialt, er det ikkje mogleg å identifisera henne nærare heller. Rimelegvis har ho vore slekt i andre eigarar i Geitle (sjå sak 344, 368, 384 og 392), men korleis eit slikt slektskap har vore er heilt uvisst.

SAK 389: 6. oktober 1466, Bergen: Kunngjering frå Håkon, abbed i Halsnøy. Han har opplate for herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284), riddar, og hans hustru fru **Magnhild** (sjå s. 269), det godset som abbed Olav (n. abbed 1445) kjøpte av **Amund «floga»**, og som ligg på Borgundøy (Fjb 33–50) i Fjelberg sokn og skipreide. Dette godset var av riksrådet dømt å vera fru Magnhilds odel. For dette har klosteret motteke ½ stykke deventer og den parten som fru Magnhild åtte i Mehus (Skån 8) på Halsnøy, som skal følgja klosteret påkjærelaust, og [klosteret skal] halda sjelemesser for fru Magnhilds far og mor.¹¹⁴⁷

Amund «floga» kan ut frå ordlyden i brevet tenkjast å ha vore ein frende av fru Magnhild Oddsdotter, men noko meir enn ei gissing vert det ikkje. Ein kan likevel merka seg at namnet Amund kjem att i ei grein av den sunnhordlandske adelsætta som i litteraturen er omtalt som Dall (sjå kap. 632 for noko om denne). Adelsmannen Ove Dall er i 1624 dessutan sagt å eiga helvta i ein av nabogardane, Haugo (Skån 7), forutan helvta i garden Vik (Fjb 38) på Borgundøy.¹¹⁴⁸ Dette kan vera ein indikasjon på at Amund tilhørte dette sosiale sjiktet, kan henda også same slekta. Det er likevel for usikkert til at Amund kan identifiserast sosialt med noko monn av visse.

1146. DN II, nr. 863.

1147. DN IV, nr. 962.

1148. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7, Adelsjordebøker, Jordebok for Ove Dall, dagsett 21. november 1624

SAK 390: 25. september 1468, Finne på Voss: Vitnebrev frå Orm Ivarsson, Gudmund Askjellsson, Binning Kalleson, Aslak Petersson, Jon Petersson, Arnbjørn Hallsteinsson, Olav Petersson, Kjetil Brynjulvsson og Gudleik Jonsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284) kjøpte av **Kol Bjarnesson** 5 mmb i Horveid (Eva 10) i Evanger kyrkjesokn på Voss, og Kol vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹⁴⁹

Kol Bjarnesson har eg berre funne nemnt i dette eine brevet, og det har dermed ikkje lukkast å identifisera han nærare.

SAK 391: 26. september 1468, Finne på Voss (1): Vitnebrev frå Orm Ivarsson og Gudmund Askjellsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284) kjøpte 4 ½ mmb i nedre Kyte (Voss 103) i Vangen kyrkjesokn på Voss av herr **Mattis Hemmingsson**, sokneprest på Voss.¹¹⁵⁰

Dette er etter alt å døma jordegods som prestebolet på Voss har fått frå tidlegare eigarar i Kyte (sjå sak 357 og 358), og som no vert selt til Alv Knutsson. Presten, herr **Mattis Hemmingsson**, opptrer såleis neppe i eigenskap av privat jordeigar her.

SAK 392: 26. september 1468, Finne på Voss (2): Vitnebrev frå Orm Ivarsson, Gudmund Askjellsson, Binning Kalleson, Aslak Petersson, Jon Petersson, Olav Reidarsson, Tormod Helgesson, Kjetil Brynjulvsson, Gudleik Jonsson og Gard Rikolvsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284) kjøpte av **Gudbrand Hallbjørnsson** 6 mmb i Gjeitle (Eva 49) og 2 ½ mmb i Åse (truleg Geitleåsen) i Evanger kyrkjesokn på Voss. Gudbrand vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹⁵¹

Gudbrand Hallbjørnsson har det heller ikkje lukkast å finna meir informasjon om.

SAK 393: 1469: Vitnebrev frå Halle Torgeirsson «etc.», lagrettemenn på Voss. Dei vitnar at **Besse på Tvilde** og **Olav**, sonen hans, og **Viljalm Olavsson**, og **Olav Ogmundsson** og **Erling Ogmundsson**, sønesøner til Viljalm, åtte 8 mmb i Tvilde (Voss 89) og 8 mmb i nedre «Mula» (Voss 89–90 el. 95).¹¹⁵²

Den 1. juni 1493 vitnar Isak Arnfinnsson, Brynjulv Gardesson, Svein Guttormsson og Sigurd Olavsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Viljalm Olavsson** selde 4 mmb i Tvilde

1149. DN II, nr. 870.

1150. DN I nr. 885.


1151. DN I nr. 886.

1152. DN XXI, nr. 561.

(Voss 89) i Vinje åtting i Vangen kyrkjesokn til **Lavrans Torsteinsson**, som var Lavrans sin rette odel, for ei sølvskål verd 4 kyrlag, ei skei på 3 lodd og ein hest verd 3 kyrlag, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹⁵³

Folket på Tvilde har eg valt å handsama under eitt her, ettersom det er eit sjeldsynt døme på ei slekt som kan følgjast på same garden gjennom fleire hundre år. Eg set nedanfor inn ei tavle som viser slektssamanhengane.

Tavle 13. Tvilde-mennene og ætta deira.



Eit yngre brev, som ikkje er teke med i sakene her, gjev også mykje informasjon om dei eldre generasjonane. Den 8. juli 1534 utferdar seks lagrettemenn på Voss, eit vitnebrev i Bergen. Dei vitnar at for 31 år sidan (dvs. omlag 1503) kjøpte **Lavrans Torsteinsson** 4 mmb i Tvilde (Voss 89) i Vinjar åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss av **Viljalm Ellingsson**, **Arnfinn Ellingsson**, og **Bård**, mågen deira, for 12 kyrlag i gode pengar. Likeeins 4 mmb i «Mwlom» på same villkår.¹¹⁵⁴ Etter

1153. DN VI, nr. 618.

1154. DN VI, nr. 723.

Norske Gaardnavne kan ein få inntrykk av at «Mwlom» har lagt under Mosafinn (Voss 240),¹¹⁵⁵ men dette er ikkje rett. I jordeboka til Vincens Lunge frå 1535 finn vi at (øyde)garden Mula ligg under Kvåle (Voss 95),¹¹⁵⁶ noko som også passar betre med dei jordpartane den som regel er omtalt saman med. Lars Kindem skriv at Mulane er no namnet «på det hyrna av Storåsen som stikk fram ovanfor Tvilde og Gjerdåker», og tek den med under Gjerdåker.¹¹⁵⁷ Seljarane i brevet frå 1534 tilhøyrrer ei slekt som kan følgjast bakover i 200 år, noko som er uvanleg. Lars Kindem skriv at han ikkje har funne noko som viser at Mikkel [Brynjolvsson] på Tvilde ættar frå dei folka som er nemnte i mellomalderkjeldene,¹¹⁵⁸ men det er nok rimeleg å rekna med at han gjorde nettopp det. I det minste kan ein nok rekna med at dei to Brynjolvssonene frå eit brev dagsett 1560,¹¹⁵⁹ er identiske med Mikkel på Tvilde og Torleiv på Gjerdåker frå 1563,¹¹⁶⁰ og at dei etter alt å døma må ætta frå Lavrans/Lars Torsteinsson på Tvilde. Det er også rimeleg å rekna seljarane av 4 mmb i høvesvis Tvilde og Mula kring 1503 for å vera søner av den Erling Ogmundsson som tilhøyrrer siste generasjon i 1469-brevet, og som dermed truleg var i live då brevet vart uferda.

Besse på Tvilde er ut over dette brevet frå 1469, nemnt i eit brev frå 1340.¹¹⁶¹ Truleg er han identisk med den **Besse Toresson** som oppttrer i fleire brev på Voss mellom 1339 og 1352.¹¹⁶² I 1339 og 1340 oppttrer Besse Toresson som vitne i to eigedomstvistar.¹¹⁶³ Ved skiftet etter stormannen Eirik Bukk på Finne i 1350 er han mellom takserings- og domsmennene,¹¹⁶⁴ og det er også i denne samanhengen han er med og utferdar to brev i 1351 og 1352.¹¹⁶⁵ Det at Besse Toresson er mellom takserings- og domsmennene i skiftet etter Eirik Bukk, tyder på at han minst må reknast til den lokale eliten. Seglet hans inneheld eit våpenmerke, noko som er med på å understreka ein sosial status som jamvel



Figur 66. Seglet til Besse Toresson frå 1350 (NoSigV, nr. 582).

1155. Rygh og Olsen 1910, s. 558.

1156. NRJ IV, s. 480: «Jtem i Mwla och ligger vndher Hwall».

1157. Kindem 1936, s. 65.

1158. Kindem 1931, s. 5.

1159. Det er eit vitnebrev frå lagrettemenn på Voss. Dei kunngrer at Lars Eriksson, lagrettemann og underprost på Voss, fekk kvittering av sine stesøner Mikkel og Torleiv Brynjolvsson for avlag rekneskap, mellom anna for følgjande: ni års landskyld av Tvilde ½ pund mindre, 6 «asker oc» ½ spann smør, sju års landskyld av Istad (Voss 173) som var 1 spann smør og 2 asker korn, åtte års landskyld av øydegarden «Mule» som var 2 asker, ni års kuleige av 2 kyr og 2 kyrlag i «siule» som var 1 spann korn for kvart år. Etcetera. (DN XXI, nr. 1096).

1160. Kindem 1936, s. 47 og 57; jf. NLR III, s. 118 og 121. Begge er nemnt som jordeigande bønder i tillegg til leiglendingsbønder.

1161. DN V, nr. 144; RN V, nr. 381.

1162. Kindem 1936, s. 46; E. H. Lind 1931, sp. 164.

1163. DN II, nr. 232 (1339) og DN I, nr. 264 (1340); jf. RN V, nr. 209 og 293.


1164. DN I, nr. 317 og 321; RN V, nr. 1248 og 1249.

1165. DN II, nr. 309 (1351) og DN I, nr. 330 (1352); RN VI, nr. 88 og 128.

kan føra han inn i aristokratiet. Figuren i våpenmerket er dessutan identisk med seglmerket hjå Torstein «katææl» frå 1330-åra (sjå fig. 37 på s. 223).

Olav Bessesson er nemnt som eigar i Tvilde i 1365 (sak 297), og opptrer også i 1412 (sak 347). Ved sidan av dette har eg berre funne han nemnt i eitt anna brev.¹¹⁶⁶ Det er i 1403 då han er nemnt sist av tre menn som vert bedne om å medsegla eit brev om arven etter Jørund Arnesson.¹¹⁶⁷ Dette indikerer at også han må reknast til den lokale eliten.

Viljalm Olavsson har eg berre funne i denne saka, samt i ei sak frå 1429 ovanfor (sak 352) der han er omtalt som Viljalm Olavsson bonde på Tvilde. Som tilnamn er dette uråd å nytta til sosial identifikasjon. **Gard Olavsson** er ikkje direkte nemnt i denne saka, men kjøper jord i Tvilde i 1449 (sak 371) og er nemnt i eit brev om dette kjøpet frå 1461 (sak 380). Det er dermed freistande å rekna han som ein bror av Viljalm Olavsson. Eg har ikkje funne han omtalt i andre kjelder enn dei to nemnte sakene.



Figur 67. Seglet til Lavrans Torsteinsson frå 1499 (DN IV, nr. 1032). Teikning i NRA, KA.

Olav Ogmundsson og bror hans, **Erling Ogmundsson**, har eg berre funne nemnt i denne saka, og ut over at Erling må vera far til den søskenflokken som er nemnt i 1534-brevet, og Olav far til Viljalm nedanfor, har eg ikkje funne meir om dei.

Viljalm Olavsson frå 1493 må vera son av Olav Ogmundsson frå 1469-brevet. Ut over dette eine brevet, har eg ikkje lukkast å finna meir om han.

Lars/Lavrans Torsteinsson er nemnt lagrettemann på Voss både i 1496 og 1536,¹¹⁶⁸ og kan reknast til den lokale eliten på bakgrunn av det. Alt i alt er det rimeleg å rekna heile denne slektskrinsen til den sosiale gråsona som utgjer dei lokale elitane.

SAK 394: 20. august 1472, Byrkjo på Voss (1): Makeskiftebrev frå **Gunnhild Sigurdsdotter**.

Ho har gjort makeskifte med herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284) og hans hustru fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269), og avstår til dei ½ pundsbol mindre enn 7 mmb i Gjerstad (Voss 24) i Dyrvedalen åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, helvta i «Skelleros» fiske og 2 laupsbol i

1166. Eit brev tidfesta til desember 1430 (DN IV, nr. 845), nemner ein Olav Bessesson som nummer fire av seks lagrettemenn på Voss. Er tidfestinga rett, kan det vanskeleg vera same mann.

1167. DN IV, nr. 736.

1168. DNI, nr. 988 (1496); DN VI, nr. 728 (1536).

Flåge-elva som ligg føre Liland (Voss 246), og det som meir var i begge fiskeria åtte fru Magnhild frå før. Til vederlag får Gunnhild 5 mmb i nedste tunet i Ringeim (Voss 50–53) i Gullfjordungen åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss.¹¹⁶⁹

Gunnhild Sigurdsdotter er berre kjent frå dette brevet, og har ikkje vore mogleg å identifisera.

SAK 395: 20. august 1472, Byrkjo på Voss (2): Makeskiftebrev frå **Odd Arnbjørnsson**. Han har gjort makeskifte med herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284) og hans hustru fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269), slik at Odd avstår til dei 11 mmb i Kvåle (Voss 36) i Gullfjordungen åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, og fekk attende frå herr Alv og fru Magnhild 12 mmb i midtre tunet i Vinsand (Voss 236) i Vikar åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss.¹¹⁷⁰

Odd Arnbjørnsson er forutan denne saka, nemnt to gonger til. I 1472 er han nemnt som nummer fire av seks beskjedelege menn som innseglar eit brev på Byrkjo (sak 394), og i 1475 er han nemnt som nummer tre av seks lagrettemenn på Voss som utferdar eit vitnebrev (sak 398). Han kan dermed reknast til den lokale eliten. Kan henda er han son til Arnbjørn Oddsson som opptrer som lagrettemann på Voss i første del av 1400-talet.¹¹⁷¹



Figur 68. Seglet til Odd Arnbjørnsson frå 1472 (DN IV, nr. 974). Teikning i NRA, KA.

SAK 396: 21. august 1472, Gjerstad på Voss: Makeskiftebrev frå **Kjetil Brynjulvsson** (sjå s. 285). Han har gjort makeskifte med herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284) og hans hustru fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269), slik at Kjetil avstår til dei 15 mmb i øvre tunet på Store Ringeim (Voss 50) i Bosstrond åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, og fekk attende frå herr Alv og fru Magnhild 10 mmb i nedre Røte (Voss 18–19) i Dyrvedals åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, samt betaling for mellomværet.¹¹⁷²

Alle desse tre er handsama tidlegare.

SAK 397: 29. mai 1473, Voss: Salsbrev frå **Brynjulv Trondsson**. Han har selt til **Øystein Torfinnsson** 1 mmb i Haug («høghe») (Voss 192–193 el. 210) i Bordalen åtting på Voss.¹¹⁷³


1169. DN IV, nr. 974.

1170. DN VIII, nr. 394.

1171. Til dømes i 1417 (DN I, nr. 653), 1427 (DN I, nr. 716) og 1438 (DN I, nr. 764). Han har eit heilt anna seglmerke enn Odd Arnbjørnsson, men det vil ikkje vera noko særstyt at far og son har forskjellige seglmerker.

1172. DN VIII, nr. 395.

1173. DN XXI, nr. 571.



Figur 69. Seglet til Brynjulv Trondsson frå 1457 (*DN IV*, nr. 939). Teikning i NRA, KA.

Brynjulv Trondsson er helst identisk med ein Brynjulv Trondsson som to gonger opptrer som brevutferdar i Strandebarm i Sunnhordland, høvesvis 1452 og 1457.¹¹⁷⁴ Sistnemnte gong er han kalla svoren lagrettemann i Øyerhamn skipreide, og seglet hans inneheld eit bumerke. Dette er i alle høve den einaste Brynjulv Trondsson som opptrer i kjeldene frå denne tida, og avstanden frå Voss til Strandebarm er ikkje avskrekkande lang. Stemmer denne identifikasjonen, er det rimeleg å rekna han til den lokale eliten.

Øystein Torfinnsson har eg ikkje vore i stand til å finna ytterlegare opplysningar om.

SAK 398: 11. mars 1475, Gjerde på Voss: Vitnebrev frå Orm Ivarsson, Gudmund Askjellsson, Odd Arnbjørnsson, Torstein Arnesson, Bjarne Eilivsson og Svein Hallsteinsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Eiliv Arnvidsson** (sjå s. 280) og kona hans **Ingrid Gudmundsdotter** (sjå s. 278), på den eine sida, handtokst med **Orm Pålsson**, og Eiliv Arnvidsson innløyste frå Orm Pålsson odelen til Ingrid Gudmundsdotter: 2 ½ mmb i Gjerde (Voss 54) i Bosstrond åtting og 5 ½ mmb i Haugo (Voss 192–193) i Bordals åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, for ein 15 kyrlags kjele («kætiob») og ein hest som Orm fekk i arv etter **Torbjörg Jonsdotter**. Odelsbrevet til Ingrid vitna at Torbjörg hadde gjeve ho dei 5 ½ mmb i Alvfinnstunet i HaugLikeeins var i avtalen at Eiliv og Ingrid skulle ha så mykje som Torbjörg hadde i «Hø(g)sfyskene» for 1 mmb i Væle (Voss 205).¹¹⁷⁵

Orm Pålsson har eg ikkje funne meir om, men kan henda er han identisk med den Orm Kavle som opptrer i ei sak i 1456 om Gjerde (sjå s. 280). Heller ikkje **Torbjörg Jonsdotter** har eg funne ytterlegare opplysningar om.

SAK 399: 24. august 1484, Byrkjo på Voss: Vitnebrev frå Odd Einarsson, Svein Hallsteinsson, Kjetil Brynjulvsson og Eirik Karlsson. Dei var til stades då **Arnfinn Åsolvsson** selde til fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269) 1 mmb i Seim (Gra 94–95) i Granvin sokn i Hardanger, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹⁷⁶

Arnfinn Åsolvsson er ut over dette heilt ukjend, og dermed umogleg å plassera sosialt. Det kan likevel vera verd å merka seg at ætta på Torsnes også eig jord i same garden (sjå kap. 4.20).¹¹⁷⁷

1174. *DN XV*, nr. 79 (1452); *DN IV*, nr. 939 (1457).

1175. *DN VI*, nr. 580.

1176. *DN I* nr. 938.

SAK 400: [1484], [Bø på Voss?]: Vitnebrev om at **Torbjörg Torsteinsdotter** selde til **Orm Karlsson** 2 mmb i store Rokne (Voss 200) i Bordalens åtting i Vangen kyrkjesokn. Vidare vert det vitna at Orm Karlsson hadde to døtrer, **Anna** og **Ragnhild**, at Ragnhild løyste ut søstera sin part i Rokne, og at Ragnhild åtte 3 mmb i store Rokne.¹¹⁷⁸

Torbjörg Torsteinsdotter er det kan henda, på bakgrunn av eigedom i Store Rokne, rimeleg å rekna for ei dotter av Torstein Toresson som i 1396 er sagt å gje frå seg jord i same garden (sjå s. 255). Sjelve salet frå Torbjörg til Orm må dessutan ha gått føre seg ei tid før 1484.

Orm Karlsson, og døtrene hans **Anna** og **Ragnhild**, har eg ikkje funne meir informasjon om.

SAK 401: 21. oktober 1490, Finne på Voss (1): Vitnebrev frå Odd Einarsson, Gudleik Jonsson og Kjetil Brynjulvsson. Dei var til stades då **Torgunna Eilivsdotter** (sjå s. 281) selde til fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269) 6 mmb i Gjerde (Voss 54) i Bosstrond åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, som ho og hennar mann **Arnfinn Isaksson** (sjå s. 280) hadde kjøpt. Torgunna vedgjekk å ha fått full betaling, og salet vart stadfesta av stesonen hennar, **Isak Arnfinnsson**, som vitna at det hadde vore helmingsfelag mellom ektefellene.¹¹⁷⁹

Isak Arnfinnsson er kjent frå ei anna kjelde. Det er i 1493 då han er nemnt først av seks lagrettemenn som utferdar eit vitnebrev om Tvilde (sjå sak 393). Saman med slektstilhøva hans, er det rimeleg å rekna han til den lokale eliten på Voss. Dei øvrige i denne saka er alle handsama tidlegare.

SAK 402: 21. oktober 1490, Finne på Voss (2): Salsbrev frå **Kjetil Brynjulvsson** (sjå s. 285). Han har selt til fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269) si jord framre Røte (Voss 18–19) i Dyrvedals åtting, den same jorda som han fekk [makeskifta til seg] av fru Magnhild, og fått full betaling.¹¹⁸⁰

Dei involverte i denne saka er begge handsama tidlegare. Det same gjeld for neste sak.

SAK 403: 1. oktober 1496, Ringheim på Voss: Kunngjering om markegang utferda av Olav Arnvidsson, Sjurd Olavsson, Laurens Arnvidsson, Svein Hallsteinsson, Bård Oddsson, Isak Kalleson, Eirik Kalleson, Kjetil Brynjulvsson, Magnus Hallsteinsson, Torfinn Petersson, Jon Gulleson, Svein Guttormsson, Laurens Torsteinsson og Olav Eindridesson, lagrettemenn på Voss. Dei var tilkalla av fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269) for å undersøka markesteinane

1177. DN XXI, nr. 672.

1178. DN XXI, nr. 612.

1179. DN VIII, nr. 427.


1180. DN VIII, nr. 428.

mellom store og vetle Ringeim på Voss, og då fann dei at jorda Synnaråker («sydher agher»), som Gudrid Bodvarsdotter i lang tid har brukt utan heimel, med rette ligg til fru Magnhilds gard, store Ringeim (Voss 50).¹¹⁸¹

SAK 404: 7. oktober 1496, Finne på Voss: Makeskiftebrev frå **Ivar Ormsson**, kannik i Bergen og kyrkjeherre på Voss. Han har gjort makeskifte med fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269) slik at ho har fått ein kverndam som ligg ovanfor «Bode broen» på Rogne (Voss 49), og han har fått igjen 1 mmb i Vestreim (Voss 4) som tilhørte prestebolet. Det som kverndammen er meir verd enn månadsmatbolet i Vestreim har fru Magnhild gjeve til prestebolet for sine foreldres sjelar.¹¹⁸²

Ivar Ormsson opptrer her vel i eigenskap av sokneprest på Voss, og ikkje som privat jordeigar. Som kannik tilhører han det geistlege aristokratiet, men etter alt å døma må han også reknast til det verdslige aristokratiet på bakgrunn av slektstilhøva hans. Eg har sett inn ei tavle nedanfor som viser desse (sjå også kap. 4.20 om Torsnes-ætta for meir om denne slektskrinsen).

Tavle 14. Orm Ivarssons slekt (ufullstendig). Sjå dessutan tavle 34 på s. 484.¹¹⁸³



Grunnen til at Ivar Ormsson er rekna med her, er at det kjem fram opplysningar i eit par yngre brev som fortel at han også har ått jord privat. I 1538 vitnar lagretten på Voss at Jens Rikardsson bad Ingrid [Ormsdotter] på Lydvo og hennar dotter, hustru Gyrid, avleggja vitneprov om hans rett til Dagestad (Voss 238) i Vikjar åtting på Voss. Ingrid svara at ho og søstrene hennar, Astrid og Gudrun Ormsdøtrer, samtykte i at bror deira Ivar [Ormsson], prest på Voss, overlot til Steinvor Brynjulvsdotter det han åtte i Dagestad.¹¹⁸⁴

1181. *DN I*, nr. 988.

1182. *DN III*, nr. 1000.

1183. Etter Steinnes 1961. Jf. Kleppe 1959 for ei noko avvikande tavle. Sjå dessutan note 963 på s. 246 for ytterlegare slektsopplysningar.

1184. *DN XXI*, nr. 838.

I 1539 utferdar så Truid Ulfstand, høvedsmann på Varberg, Claus Bille, høvedsmann på Båhus, riksrådar og kongelege fullmektigar i Noreg, Tord Roed av våpen, høvedsmann på Bergenhus, lagmennene Guttorm Nilsson i Bergen, Hans Bagge på Steig, Nils Clausson i Stavanger, Olav Mogenson i Trondheim, Mats Størsson på Agdesida, og borgarmeister Anders Hansson i Bergen, eit domsbrev. Kom for dei Jens Rikardsson i Dal som hadde stemna Eirik Ormsson i Stavanger om garden Dagestad, som presten Ivar [Ormsson] hadde gjeve til Jens si mor, men som ein av herr Ivars søner, herr Orm [Ivarsson] hadde pantsett til Eirik. Det vart dømt at jorda skulle tilhøyra Jens, og at Orms arvingar skulle kvittera han den, av di Orms barnebarn hadde ingen rett til jorda, av di Jens si mor var død før desse barna var fødde.¹¹⁸⁵


SAK 405: 4. februar 1499, Gjukastein på Voss: Vitnebrev frå Gudleik Torleivsson, Svein Guttormsson og Gudleik Vikingsson, lagrettemenn på Voss. Dei var til stades då **Åsa Gardsdotter** selde til **Torfinn Eilivsson** 2 mmb i Gjukastein (Voss 31) i Gullfjordungen åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, for 6 ½ kyrlag i gode pengar, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹¹⁸⁶

Åsa Gardsdotter er berre kjent frå dette eine brevet, og let seg ikkje identifisera nærare.

Torfinn Eilivsson opptretr også i den følgjande saka, men ut over det som kjem fram i desse to breva har eg ikkje funne noko meir om han heller. Kan henda har han vore i slekt med Gudleik Vikingsson i den følgjande saka.

SAK 406: 16. april 1499, Finne på Voss: Makeskiftebrev frå **Gudleik Vikingsson** og **Torfinn Eilivsson** (sjå ovanfor). Dei har gjort makeskifte med fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269), slik at fru Magnhild skal følgja den åkerparten i Byrkjo (Voss 29) som dei eig, og likeeins skal Gudleik og Torfinn følgja den åkerparten som fru Magnhild eig i Gjukastein (Voss 31).¹¹⁸⁷

Gudleik Vikingsson opptretr to gonger ved sidan av dette brevet. Begge gongene er han nemnt lagrettemann på Voss, og første gong er i 1499 (sak 405) der han er nemnt sist av tre lagrettemenn. Den andre gongen er i 1514 då han er nemnt som nummer sju av tolv.¹¹⁸⁸ Seglet hans



Figur 70. Seglet til Gudleik Vikingsson frå 1499 (DN IV, nr. 1032). Teikning i NRA, KA.

1185. DN XXI, nr. 847.

1186. DN X nr. 286.

1187. DN IV, nr. 1032.

1188. DN IV, nr. 1066.

er overlevert frå 1499-brevet og inneheld eit bumerke. Lagrettemannsombodet gjer det rimeleg å rekna han til den lokale eliten.

SAK 407: [omlag 1427–1500], [Munkeliv]: Munkeliv klostres jordebok inneheld mellom anna ein del opplysningar om transaksjonar av jordegods til og frå klosteret, og ei yngre tilføyning frå 1400-talet fortel at **Steinvor**, som døydde i Roma, gav for si sjel i Munkeliv, 4 [mmb] i Bjørgo (Voss 175) på Voss.¹¹⁸⁹

Ei tilsvarande opplysning kjem fram i ei påskrift frå kring midten av 1500-talet i Munkeliv klostres jordebok frå omlag 1480–1490. Der vert det sagt at klosteret eig 3 ½ mmb i Bjørgo som **Steinvor** gav til Munkeliv for sjela si. Påskrifta seier at det er brev på dette,¹¹⁹⁰ men brevet er no tapt. Steinvor kan neppe ha vore kven som helst, ettersom ho er sagt å ha døydd i Roma. Donasjonen har truleg gått føre seg ein gong før 1463, ettersom eigedomen også finnest innført i jordeboka for Munkeliv for dette året.¹¹⁹¹ I 1558 kjem det fram av ei domsavgjerd i Bergen at ein **Arnfinn Sjurdsson** vert tildømt 4 mmb i Bjørgo i Kvitle åtting på Voss. Dette var det same godset som Steinvor tidlegare hadde skjenka til Munkeliv kloster, men som Arnfinn meinte var sin rette odel etter farfaren sin og ikkje hennar odel.¹¹⁹² Det vert ikkje sagt i domsavgjerda kvar Arnfinn budde, men han er nok identisk med den Arnfinn på Bjørgo som i 1563 eig 1 laup smør og 2 huder (han skattar ½ laup smør 1 hud),¹¹⁹³ og den Arnfinn Sjurdsson som er lagrettemann i 1552.¹¹⁹⁴ Truleg er han son av den Sjurd på Bjørgo som i 1521 gjev 3 mark i skatt og 8 mark i brevbrot.¹¹⁹⁵ Det er rimeleg å rekna Steinvor til den lokale eliten.

SAK 408: [15. århundre], Haugo på Voss: Kunngjering frå **Viking «haurdason»** (Håvardsson? eller Hordsson?). Han og hans bror **Torstein** har overlate til **Olav «sygkezsyne»** (Sørkvesson?) 1 spann salt og 1 mmb i midtre tunet i Skutle (Voss 177–179). Alvfinn Brynjulvsson var vitne til handtaket.¹¹⁹⁶

Dette brevet er attgjeve etter ei avskrift av Gerhard Schøning i Langebeks Excerpter i Det Kongelige Bibliotek i København, og er datert til det 15. hundreåret(?) i *DN*. Dersom den Alvfinn Brynjulvsson som er omtalt i brevet er identisk med han som opptre i tida 1396–1412 (sjå s. 260), kan

1189. *DN XII*, nr. 190.

1190. *DN XII*, nr. 257

1191. *DN XII*, nr. 232.

1192. *DN IX*, nr. 780.

1193. *NLR III*, s. 121.

1194. *DN VI*, nr. 776.

1195. *NRJ II*, s. 597.

1196. *DN XXI*, nr. 682.

nok brevet daterast til dei første par ti-åra av 1400-talet. Likevel har det ikkje lukkast å identifisera nokon andre av dei involverte i brevet med folk som er kjende frå andre kjelder.

SAK 409: 1502: Fullmaktsbrev frå **Ingeborg Olavsdotter**. Ho gjev Lavrans Torsteinsson fullt ombod over dei jordeigedomane på Voss og i Hardanger som hennar bror **Jøns Olavsson** hadde ått, og som Svein på Bolstad etter hans død hadde hatt ombod over i tre år, men ikkje gjort rekneskap for.¹¹⁹⁷

Korkje **Ingeborg Olavsdotter** eller bror hennar, **Jøns Olavsson**, har eg lukkast i å identifisera nærare. Spreiinga av jordegodset deira over Voss og Hardanger, samt det at dei nyttar ombodsmenn, skulle likevel indikera at dei bør reknast til eit elitesjikt.

SAK 410: [5. mars 1509], [Vossevangen]: Kunngjering frå lagrettemenn på Voss. Kom for dei og kongens ombodsmann og heile lagretten, **Asbjørn Tormodsson** og **Olav Øysteinsson** om 5 spann i store Rokne (Voss 200) i Bordals åtting. Jorda vart tildømt Asbjørn.¹¹⁹⁸

Korkje **Asbjørn Tormodsson** eller **Olav Øysteinsson** har eg lukkast å identifisera nærare. Øystein-namnet kan likevel tenkjast å indikera eit slektskap til Gyda Øysteinsdotter som, saman med mannen sin, Torstein Toresson, kjøper jord i Store Rokne i 1396 (sjå s. 255).

1197. *DN XXI*, nr. 691.

1198. *DN XXI*, nr. 703.

4.8 Odd Jorunnsson og krinsen rundt han

SAK 411: 26. februar eller 5. mars 1293 :Proventbrev frå **Odd Jorunnsson** og hans hustru **Ulvhild**. Dei gjev seg i provent i Munkeliv kloster, og gjev til klosteret til saman 20 mmb, nemleg 5 månadsmatleiger¹¹⁹⁹ i Seltane (Lær 2), 2 ½ månadsmatleige i Midtljøsne (Lær 10), 9 månadsmatleiger i «Krangøyenni» (Lær 19–20), 4 månadsmatleiger i nedste Øye (Lær 28), samt 10 merker brent. Når dei går i provent skal dei sjølv ha landskylda av 15 mmb.¹²⁰⁰

1. februar 1323, Lærdalsøyri: Vitnebrev frå Jon Torgeirsson. Bjørn Eiriksson kom for han og kлага over at han vart hindra i å bruka 4 mmb som Munkeliv eig i Øyri (Lær 31). Erlend Páske og Ostabjørn vitna at dei same 4 mmb, som **Odd [Jorunnsson] i Øye** hadde ått, vart lagt under Munkeliv av **Toralde Bergklyvar** [i ombod for dottera si som var Odds arving] og **Ulvhild** [Odds enkje].¹²⁰¹

11. mars 1323, Bergen: Domsbrev frå Ivar Arnesson, gulatingslagmann. Bjørn Eiriksson kom for han, i ombod for seg sjølv og Munkeliv kloster, og vitna at han hadde stemna Sigmund i Åsgarden vedrørende den jorda i nedste Øyri som klosteret åtte og hadde bygsla til han, men som Sigmund hadde brukt utan heimel. Lagmannen orskurda at Sigmund skulle bøta landnåm til klosteret. Samstundes dømte han under Munkeliv dei 4 mmb i nedste Øyri som **Odd [Jorunnsson] i Øye** og **Ulvhild**, kona hans, gav til klosteret ifølgje brev, og som Ulvhild og **Toralde Bergklyvar**, ombodsmann for dottera si som var Odds arving, stadfesta i eit anna brev.¹²⁰²

23. februar 1325, Bergen: Domsbrev frå Bård Petersson, gulatingslagmann. Bror Bodvar, ombodsmann for Munkeliv kloster, kom for han og kлага over **Toralde Bergklyvar**. Toraldes dotter var arving etter **Odd Jorunnsson** og hans hustru, **Ulvhild**, og i hennar ombod legg han beslag på det jordegodset som Odd og Ulvhild gav i provent til klosteret, nemleg 5 mmb i Seltane, 2 ½ mmb i Midtljøsne og 9 mmb i «Krangøyenni». Toralde møtte ikkje. Lagmannen dømte då jorda under klosteret, inntil Toralde ville krevja den med lovleg søksmål.¹²⁰³

Odd Jorunnsson på Øye er dessutan i *BK* sagt å ha gjeve 2 mmb i Øyri og 2 mmb i Sanden (Lær 40) til kyrkja på Hauge i Lærdal,¹²⁰⁴ samt at **Ulvhild** er sagt å ha gjeve ½ mmb i Krangøy til presten på Æri.¹²⁰⁵ Det finnest ingen direkte opplysningar som seier noko om den sosiale statusen deira,

1199. Brevteksten seier 1 månadsmatleige, men det stemmer ikkje med den samla summen som er oppgjeve. I brevet frå 1325 (*DN XII*, nr. 66) er det nemnt 5 månadsmatleiger i Seltane, og det høver bra med den samla summen på 20 mmb (eigentleg 20 ½ mmb). Jf. dessutan G. Pettersen 1992, s. 61, samt note 14 på s. 157.

1200. *DN XII*, nr. 15; *RN II*, nr. 718

1201. *DN XII*, nr. 60; *RN IV*, nr. 196

1202. *DN XII*, nr. 62; *RN IV*, nr. 217

1203. *DN XII*, nr. 66; *RN IV*, nr. 329

1204. *BKMunch*, s. 42; *BK*, pag. 39a–b.

men dei må likevel ha hatt nokså stor eigeidom ut over det som vert gjeve til Munkeliv. Dei seier sjølv i brevet frå 1293 at dei ikkje sjølv eig segl, noko som er med på å antyda at dei neppe har tilhørt det ypperste sjiktet av proventkjøparar.¹²⁰⁶ På den andre sida ser det ut til at eige segl ikkje var vanleg hjå norske stormenn før heilt mot slutten av 1200-talet, slik at ein ikkje kan leggja alt for mykje i denne opplysninga.¹²⁰⁷ Ein kan jamvel argumentera for at dei tilhørte stormannsgruppa av di det tydeleg var venta at dei *hadde* segl. For å vera på heilt trygg grunn, reknar eg dei likevel berre til det lokale elitesjiktet.

Toralde Bergklyvar har eit svært uvanleg tilnamn som ikkje kan tyda anna enn at han må ha drive ein del med fjellklatring (bergklyving).¹²⁰⁸ Det finnest svært få referansar til fjellklatring som idrett i norrøne mellomalderkjelder, men historia om Olav Tryggvason som klatrar opp Smalsarhorn (Hornelen) i Bremanger indikerer at fjellklatring også forekom som nettopp idrett.¹²⁰⁹ Brynjulf Alver skriv at fjellklatring stod nær balanseidrettar som det å gå utanpå årane på eit skip under roing.¹²¹⁰ Det er difor grunn til å tru at Toralde fekk tilnamnet sitt av di han var kjent for å vera ein god fjellklatrar, og det manglar heller ikkje på fjell å klatra i inne i Sogn. Nokon indikasjon på den sosiale statusen hans gjev det likevel ikkje, men han kan med rimeleg grad av visse reknast til den lokale eliten ettersom dottera hans er arvingen etter Odd Jorunnsson.

1205. BK, pag. 40b.

1206. G. Pettersen 1992, s. 62.

1207. Dette kan ein sjå ved å gjennomgå dei breva frå før 1300 som framleis finnest i original (sjå *Norske Diplomer til og med år 1300*). Der det er segl i desse breva er det i første rekkje institusjonssegl eller kongeseigl ein har, samt nokre ytterst få stormannssegel som til dømes frå hertug Skule. Talet på segleimar som har hengt ved desse breva kan ein slutta ut frå slissene i pergamentet, og det er lite samanlikna med det som kjem fram ut etter 1300-talet.

1208. Jf. E. H. Lind 1920–1921, sp. 22; Fritzner IV, s. 51.

1209. *Saga Óláfs Tryggvasonar*, s. 149–150; *Saga om Olav Tryggvason*, s. 105–106. At det vart rekna for idrett er beint fram sagt i *HkrBA* I, Óláfs saga Tryggvasonar, kap. lxxxv: «Óláfr konungr var mestr íþróttamaðr í Nóregi, þeira er menn hafa frá sagt, um alla hluti. Hverjum manni var hann sterkari ok fimari, ok eru þar margar frásagnir ritaðar um þat. Ein sú, er hann gekk í Smalsarhorn ok festi skjöld sinn í ofanvert bjargit, ok enn þat, er hann hjalp hirðmanni sínum, þeim er áðr hafði klifit bjargit, svá at hvártki mátti komask upp né ofan, en konungr gekk til hans ok bar hann undir hendi sér ofan á jöfnu». Jf. dessutan Björn Bjarnason 1950, s. 142–143.

1210. Alver 1962, sp. 324–325.

4.9 Kring Eide i Stryn

SAK 412: 14. august 1298, [Bergen]: Vitnebrev frå Nikolas lagmann, Alv i Kroken og Eindride Kvite. Dei var til stades då **Helge Kvit** kjøpte frå herr **Peter Gudleiksson** 14 mmb i Eide (Stryn 63) i Nordfjord, for 21 merker brent. Helge skal ha jorda til pengane er betalte tilbake.¹²¹¹

22. mai 1300, [Bergen]: Salsbrev frå **Peter Gudleiksson**. Han har selt til Munkeliv kloster 20 mmb i odelen sin i Eide (Stryn 63) i Stryn («i Strionom odhal mit i Eidi»), for 12 øyre brent per mmb. Han har innløysingsrett etter 6 år.¹²¹²

Eit par notisar i Bergens Kalvskinn viser at Peter også åtte jord i Gloppen, ettersom han gav 1 ½ mmb i Føleide (Glo 52) til presten ved kapellet på Vereide, og like mykje i same garden til kyrkja på Vereide.¹²¹³

Riddaren **Peter Gudleiksson** av Eide i Stryn (truleg *ein* storgard som inkluderte både Kyrkjeide og Ytreeide)¹²¹⁴ er nemnt i fleire brev i tida frå 1293 til 1308.¹²¹⁵ Arne Solli gissar på at han kan ha vore ein forfar til den Bodvar som åtte det meste av odelsgodset i Ytreeide,¹²¹⁶ noko som ikkje er urimeleg. Peter er nemnt med herretittel både i 1293 og 1308, noko som viser at han var riddar. Jacob Aaland hevdar at herr Peter var son til stallaren Gudleik Viljalmsson (n. 1283–1295), men det er lite truleg av kronologiske årsaker, og det finnest heller ikkje noko kjeldegrunnlag for påstanden.¹²¹⁷ I 1293 vart han sendt til Island som systemann over Nordlendingafjerdingen, der han var eitt år, før han drog attende til Noreg sommaren 1294.¹²¹⁸ Etter at Peter Gudleiksson kom attende

1211. DN XII, nr. 21; RN II, nr. 941.

1212. DN XII, nr. 24; RN II, nr. 1033.

1213. BK, pag. 12b–13a; *BKMunch*, s. 15–16.

1214. Steinnes 1971, s. 14; jf. Solli 2003.

1215. DN XII, nr. 16 (1293); DN III, nr. 37 (1296); DN XII, nr. 21 (1298); DN XII, nr. 24 (1300); DN I, nr. 117 (1308).


1216. Arne Solli har ved hjelp av to brev frå 1578 og eitt frå 1591, sannsynleggjort at Eirik Kolbeinsson frå to ættleggar i 1560-åra (DN XXI, nr. 1140 og 1141.), må vera soneson til ein Bodvar som i eit brev frå 1591 vert sagt å ha ått heile(?) Ytreeide kring 1400, og brorson til Ingrid Bodvarsdotter og Hallkjell Bodvarsson som er nemnt i fortid i eit dokument dagsett 20. juni 1578 der Ingrid Halldorsdotter på Leivdal krev odelsrett til 1 ½ laup smør i Ytreeide. Dette hadde tilfalle henne frå Ingrid Bodvarsdotter og Hallkjell Bodvarsson. I 1591 kjem det fram at Ingrid Bodvarsdotter vart gift med ein Peder Vinckel, og dei fekk eitt barn saman. Først døydde Ingrid, og barnet deira arva mora. Dinest døydde barnet og vart arva av faren. Til sist døydde Peder Vinckel, som igjen vart arva av sin brorson Ivar Bårdsson. Denne Ivar Bårdsson var igjen morfar til Anders Torgilsson på Ytreeide (Solli 2003, og eg vil takka Arne Solli for å ha fått løyve til å nytta dette manuskriptet). Meir informasjon om denne ætta finn ein i Aaland 1932c under Ytre-Eide, særskilt s. 118–123. Bodvar kan ha vore ein etterkomar etter riddaren Peter Gudleiksson. I det minste åtte begge to odel i garden, og det er truleg at dei har vore i slekt med kvarandre.

1217. Aaland 1932c, s. 115. Om Gudleik Viljalmsson, sjå kortbiografi i Helle 1972, s. 593; jf. P. A. Munch 1859, s. 105, 122–123, 142, 221, 230, 268, 285 og 289. Ut frå namn og ombod kan ein tenkja seg at han var ein etterkomar etter stallaren Gudleik av Ask som er nemnt fleire stader i *Håkon Håkonssons saga*.

1218. LA, s. 71, 197, 261, 385 og 485; «Lárentíus saga biskups», kap. 9–10, s. 234–237; *Historien om biskop Laurentius på Holar*, kap. 6–7, s. 49–52. Jf. Steinnes 1971, s. 14–15; Wærdahl 2006, s. 181.

til Noreg fridde han til ei kvinne aust i Vika som var frenke til kong Eirik Magnusson (1280–1299), og bad kongen skriva til henne. Kongen bad då Peter sjølv skriva brevet, så skulle han beseгла det. Peter fekk då presten Laurentius Kalvsson til å skriva brevet på latin, og viste det dagen etter til kongen, som vart så imponert over stilen i brevet at han inviterte Laurentius i gjestebod og tilbaud han teneste hjå seg.¹²¹⁹ Kor vidt herr Peter av Eide vart gift med denne frendkona til kongen veit ein ikkje, men det er slett ikkje usannsynleg ettersom kongen var så velviljug til å senda brevet. Kven denne frenka var er også uvisst. P. A. Munch gissar på at ho anten var ei dotter av baronen Tore Håkonsson og Ingebjørg Erlingsdotter, eller av Audun Hugelksson som då var fehirde i Tunsberg.¹²²⁰ Asgaut Steinnes argumenterer for at ein skal tolka «frændkonu» som kona til ein frende i denne samanhengen, og lanserer mor til Agnes Håkonsdotter, altså frilla til hertug Håkon Magnusson, som kandidat til giftarmålet.¹²²¹ Agnes vart trulova i 1302 med Havtore Jonsson av Sørum-ætta,¹²²² og vart sidan mor til Havtoresønene Jon og Sigurd. Kva som er rett er uråd å avgjera, men Steinnes argumenterer godt. At herr Peter tilhørte toppsjiktet i aristokratiet kan det ikkje vera tvil om all den tid kong Eirik var viljug til å gifta bort ein av slektningane sine til han.

Helge Kvit som kjøper jord av Peter Gudleiksson i 1298, er dessutan kjent frå eit vitnebrev frå 1307–1308 som han utferdar i Bergen saman med presten Hallvard Absalonsson. I dette brevet kjøper Eindride Kvites kone Birgit Bårdsdotter (sjå s. 313) jord i garden «Æpplam» i Sogndal.¹²²³ Pussig nok er Eindride Kvit ein av utferdarane av kjøpebrevet der Helge Kvit er nemnt, men om dette kan tyda på slektskap er meir uvisst. Seglet hans inneheld eit våpenmerke, noko som klårt indikerer tilhøyrse til aristokratiet, og våpenet er ein skjold med ein kvalross i.



Figur 71. Seglet til Helge Kvit frå 1307–1308 (*NoSigV*, nr. 44).

1219. «Lárentíus saga biskups», kap. 10, s. 236–237: «Vakti herra Pétr bónorð viðr skylda frændkonu konungsins, var hún austr i Vík, beiddiz hann at konungrinn skrifaði henni til. Bað hann herra Pétr láta skrifa ok dikta bréfit, en sagðiz mundu gefa fyrir innsiglit.»; jf. *Historien om biskop Laurentius på Holar*, kap. 7, s. 51–52.

1220. P. A. Munch 1859, s. 305, note 1.

1221. Steinnes 1971, s. 16–18.


1222. *LA*, s. 147.

1223. *DN* II, nr. 92; *RN* III, nr. 507.

4.10 Aslak Brattsson og slektskrinsen hans

SAK 413: [omlag 1300]: Proventbrev frå **Gyrid Brattsdotter**. Ho har gjeve 19 mmb i garden Vik (Vikøy 42–43) i Hardanger til evig odel for Munkeliv kloster, mot at ho får provent der.¹²²⁴

SAK 414: 14. juli 1346, Bergen: Vitnebrev frå Pål Knutsson, Ivar Erlingsson, Jon Havtoresson [vel feil for Halldorsson] og Sigurd Birgersson. Dei var til stades då sira **Torstein Hallgrims-son**, kannik ved Apostelkyrkja i Bergen, betalte til **Bratt Aslaksson** 1 ½ mmb i øvre Samland (Jon 5) i Jondal sokn i Hardanger for 9 mark forngild, som han var skuldig i gardleie av Skidagarden [i Bergen]. Bratt skuldar då Torstein 6 øyre forn for jorda, og skal betala det så snart godset hans kjem frå Island.¹²²⁵



Figur 72. Restane av seglet til Aslak Brattsson frå 1306 (*NoSigV*, nr. 39). Det viser etter alt å døma eit oksehovud.

På bakgrunn av det sjeldsynte namnet hans,¹²²⁶ er det rimeleg å rekna **Bratt Aslaksson** som son til den Aslak Brattsson som opptre i kjelder, primært frå Stavangerområdet, mellom 1301 og 1322,¹²²⁷ og som ser ut til stundom å ha vore i teneste hjå Stavangerbiskopen. Han opptre dessutan ofte saman med andre kjende menn som må reknast til aristokratiet. Bratt Aslaksson er elles ikkje kjend med sitt fulle namn frå andre kjelder enn brevet frå 1346. Han må likevel vera identisk med den Bratt som i Flatøyannalane er sagt å ha vorte gift med ei Oddny i 1344, og som fekk kosta bryllaupet sitt av herr Orm.¹²²⁸ Herr Orm er i dette tilfellet Orm

Aslaksson, biskop på Hólar på Island frå 1342 til 1356, og som er nemnt kannik i Stavanger frå 1319 og frametter.¹²²⁹ Det høver godt med det vi elles veit om den sannsynlege far hans, og er med på å sannsynleggjera at Bratt Aslaksson må reknast til aristokratiet, ettersom han etter alt å døma var son av ein mann frå dette siktet, forutan at bror hans først var kannik i Stavanger og sidan biskop i Hólar på Island.

1224. *DN* XII, nr. 27; *RN* II, nr. 1073. *RN* kallar ho *Gyda* Brattsdotter, medan det er *Gyrid* som står i *DN*. Det siste er også det som er rett, jf. *AM* 902a, 4^{to}, fol. 87^v.

1225. *DN* XXI, nr. 74; *RN* V, nr. 851.

1226. E. H. Lind 1905–1915, sp. 164–165.


1227. *DN* IV, nr. 51 (1301); *DN* VII, nr. 35 (1306); *DN* IV, nr. 76 (1308); *DN* IV, nr. 77 (1308); *DN* IV, nr. 85 (1310); *DN* III, nr. 89 (1310); *DN* II, nr. 107 (1311); *DN* IV, nr. 90 (1311); *DN* II, nr. 115 (1313); *DN* IV, nr. 117 (1316); *DN* IV, nr. 119 (1317); *DN* I, nr. 168 (1322); *DN* III, nr. 132 (1322).

1228. *LA*, s. 402: «Brattr feck Odnyiar ok þotti þat tidendi at herra Ormr lagdi mikla peninga vt af Holastad med honum fatækum ok veitti brudkaup hans heima at Holum med miklum kosti». Gustav Storm gissar på at Oddny var ei Aslaksdotter (*LA*, s. 604), truleg av di han har rekna henne som ei søster av biskopen. Jf. dessutan E. H. Lind 1905–1915, sp. 804.

1229. Kolsrud 1913, s. 275.

Gyrid Brattsdotter som ein gong kring 1300 kjøper provent i Munkeliv, høver godt som ei søster av Aslak Brattsson. Ettersom jordeigedomen hennar i Vik i Vikøy ligg rett over fjorden frå Samland i Jondal der Bratt Aslaksson kjøper jord, kombinert med bruken av det sjeldsynte namnet Bratt, er det rimeleg sannsynleg at Gyrid også har tilhøyrt den same slekta.

Torstein Hallgrimsson opptrer første gong i kjeldene i dette brevet frå 1346, og er då kannik ved Apostelkyrkja i Bergen, noko som fører han rett inn i det geistlege aristokratiet. Seinast i 1361 er han blitt prost ved Apostelkyrkja og har fått herretittel, eit ombod han også har i 1366 og 1373.¹²³⁰ Etter dette kan eg ikkje sjå at han er omtalt i kjeldene.¹²³¹ Seglet hans er fragmentarisk overlevert i eit brev frå 1373, og eit fotografi er attgjeve ein artikkel av Asgaut Steinnes. Steinnes argumenterer for at det viser ein skjold med ein galtefigur, slik ein meiner å kjenna den frå det såkalla Galtungvåpenet (sjå t. d. fig. 26 på s. 196).¹²³² Eg kan ikkje med min beste vilje klara å tolka noko anna ut av det seglet enn at det er ein figur som forestillar eit dyr med fire bein. Nokon galte treng det slett ikkje vera, slik at tolkinga som Gerhard Munthe i si tid gjorde kan vera vel så god som den til Steinnes (jf. fig. 73). Det viser noko som kan sjå ut som ein ulv, eller eit anna dyr i hundefamilien.




Figur 73. Våpenmerket i seglet til Torstein Hallgrimsson frå 1373, slik det er tolka av Gerhard Munthe (Munthe 1836, nr. 295, s. 133–134).

1230. DN XXIII, brev dagsett Bergen 6. august 1361; DN XII, nr. 103 (1366); DN III, nr. 384 (1373).

1231. Han kan ikkje vera identisk med den Torstein Mita som opptrer i 1324, slik det vert hevda av Steinnes 1968. Dette er grundig tilbakevist i Løberg 2000a.

1232. Steinnes 1968, s. 228, med fotografi i figur 12 på plansje 4 mellom sidene 204 og 205.

4.11 Ættene på Aga i Ullensvang



Figur 74. Gravsteinen etter Sigurd Brynjulvsson i Aga, og bautasteinen til minne om han på Hesthammar ved Utne, slik den unge Jonas Andersson teikna dei i 1626 (*Jonas Andersson frå Skånevik om fornminne i Bergen bispedomme 1626*, fol. 10^v).

«Gaarden Aga hører uden Tvivl til de mest bekjendte Gaarde [i] Hardanger» skreiv sokneprest Olafsen i 1902.¹²³³ Heilt frå midten av 1200-talet halvdel kjenner vi til stormenn som var busette på garden, då Brynjulv i Aga er mellom vitna til eit makeskifte mellom biskopen i Bergen og Peter unge, mågen til Brynjulv (sjå sak 449). Sonen, Sigurd Brynjulvsson, var ridar, gulatingslagmann og medlem av kongens råd.¹²³⁴ Han skal ha drukna utanfor Hesthammar,¹²³⁵ og våpenskjoldet hans, som er attgjeve på gravsteinen, er i dag å sjå i kommunevåpenet til Ullensvang. Ein veit likevel ikkje noko om jordegodset til desse eldste stormennene på Aga, men at dei har ått jord, jamvel også mykje jord, kan det snauvt vera tvil om.

SAK 415: I BK er **Torgaut** og **Ragnhild i Aga** sagt å ha gjeve 2 mmb i Veluro (Ull 65) til presten i Ullensvang.¹²³⁶

Desse to er dei første vi får vita noko

om jordeigedomen til, sjølv om det er lite vi får vita i denne samanhengen. **Torgaut på Aga** er nemnt første gong i 1309.¹²³⁷ I 1315 er han til stades på Halsnøy kloster der han utferdar eit vitne-

1233. Olafsen 1902, s. 3.

1234. Jf. K. Helle 1972, s. 593; Opsahl 2004a.

1235. *Jonas Andersson frå Skånevik om fornminne i Bergen bispedomme 1626*, fol. 9^v, med transkripsjon på s. 102.

1236. *BKMunch*, s.79; BK, pag. 96b.

1237. DNI, nr. 123.

brev (sjå kap. 4.21).¹²³⁸ I begge desse breva er han nemnt framfor Arne på Aga, noko som indikerer at han er eldre enn Arne og står over han i rang. Kan henda er han identisk med den Torgaut som kring 1300 har ei strid med ei fru Åsa om garden Velken i Granvin (sjå sak 249). Ein Torgaut frå Bergen som er nemnt som kjøpmann i King's Lynn og Hull i åra 1303–1306, kan også vera identisk med Agamannen. At han er kalla Torgaut Bonde i 1306 gjer det desto meir sannsynleg at det kan vera slik.¹²³⁹ Kona hans, **Ragnhild**, har det ikkje lukkast å finna meir informasjon om. At dei kan reknast til aristokratiet er det lita tvil om.

Arne på Aga og hans hustru, **Bergljot**, opptre i sak 59 ovanfor, og der er det sagt at Arne gav 5 mmb i Tveit (Vikøy 9) i Vikøy sokn, og 3 mmb i Reisæter (Ull 53) til kapellet på Opedal, medan hans hustru Bergljot gav 5 mmb i «Enghiasætre» (Ull 55) og 3 mmb i Solbjørg (Ulv 59).¹²⁴⁰ Steinnes meinte at Arne i Aga her måtte vera identisk med den **Arne Olvesson** som opptre i same brevet, forutan i eit brev frå 1312 om skiftet på Lekve i Ulvik (sjå kap. 4.15), noko som er ei rimeleg gissing.¹²⁴¹ Også Arne i Aga opptre første gong i 1309, og er saman med Torgaut på Aga også i 1315. Ved sidan av dette er Arne i Aga nemnt i brev frå 1329, 1338 og 1346,¹²⁴² og i fleire av dei opptre han i aristokratiske miljø. I 1346 opptre han saman med Arnbjørn Ogmundsson av Byreætta, som ser ut til å ha budd på Aga ei tid (om denne, sjå kap. 4.19). Korleis slektskapet har vore mellom høvesvis Arne, Torgaut og Arnbjørn Ogmundsson i Aga er uvisst.¹²⁴³

SAK 416: 29. mai 1358, Aga i Ullensvang: Vitnebrev om særeige, utferda av Amunde Arnbjørnsson, Sigvat Sumarlidesson og Asbjørn Gudleiksson: Dei var på Ullensvang 6. mai då **Besse Vikingsson** erklærte at **Sunniva**, kona hans, og **Gunna**, dotter hennar, eig ein del lausøyre og mat, samt 17 ½ mmb jord. Han hadde gjeve Sunniva 4 mark gull i morgongåve og 10 forngilde mark i knekast, festarfe og morgongåve, og dette legg han inn i 8 ½ mmb i ytre tunet på Djonno (Ull 126) og gjev henne den øvre frukthagen.¹²⁴⁴

8. april 1362, Aga i Ullensvang: Vitnebrev frå Amunde Arnbjørnsson, Ogmund Sigurdsson og Asbjørn Gudleiksson: **Sigrid Arnvidsdotter** hadde selt 1 mmb i ytste tunet i Djonno i Kinsarvik til **Besse Vikingsson**, for 5 kyrlag og fått heile betalinga.¹²⁴⁵

1238. DN I, nr. 145.

1239. DN XIX, nr. 422 (1303), s. 464 («Thorgout de Berwen»); DN XIX, nr. 447 (1306), s. 532 («Thurgot de Norberg») og s. 542 («Thorguttus Bond»). Jf. RN III, nr. 86, 339 og 362.

1240. DN XII, nr. 90; RN V nr. 309

1241. Steinnes 1951b, s. 135.

1242. DN III, nr. 153 (1329); DN V, nr. 119 (1338); DN XII, nr. 94 (1346).

1243. Steinnes 1951b, s. 135, gissar på at Arnbjørn Ogmundsson har vore gift med ei dotter av Arne i Aga.

1244. DN I nr. 356; RN VI, nr. 506.

1245. DN I nr. 373; RN VI, nr. 825.

Besse Vikingsson har kan henda også budd på Aga, utan at det er mogleg å kopla han genealogisk til nokon av dei andre som vi veit budde på garden. Han opptrer etter kva eg kan sjå berre ein gong i kjeldene ut over dei to breva som er refererte i denne saka. Det er i 1361 då han er nemnt først av fem menn som utferdar ei vidisse på Aga.¹²⁴⁶ Han må minst reknast til den lokale eliten, men den følgjande saka sannsynleggjer tilhøyrse til aristokratiet. Eg har ikkje funne noko meir direkte om korkje kona hans, **Sunniva**, eller dottera hennar, **Gunna**. Men det er svært freistande å rekna med at Sunniva er identisk med **Sunniva Nikolasdotter** som i saka under er sagt å ha vore gift med Håvard Sigurdsson, lagmann i Ryfylke. Han er berre nemnt ein gong i eigenskap av lagmann, nemleg då han utferdar eit domsbrev i Stavanger i 1383,¹²⁴⁷ men truleg er det same mann som er til stades i Ullensvang i 1355 og er nemnt nest sist av fem menn som utferdar eit transkript av eit vitnebrev.¹²⁴⁸ Dette fører Sunniva, og dermed også første mannen hennar inn i aristokratiet. Lars Hamre reknar med at Sunniva Nikolasdotter var ei dotterdotter av Peter på Sandvin (sjå kap. 4.14),¹²⁴⁹ men koplar henne ikkje til Besse Vikingsson. Ho har rimelegvis vore gift tre gonger, ettersom Gunna truleg er dotter hennar frå det første ekteskapet, samt at ho verkar vera nokså nygift i 1358-brevet.

Sigrid Arnvidsdotter som sel jord i Djønno til Besse i 1362, har eg heller ikkje eksplisitt funne meir om, men det er svært nærliggjande å rekna med at ho er identisk med Sigrid som i saka under er sagt å vera gift med Ogmund [Arnbjørnsson] på Aga.¹²⁵⁰ Dermed kan også ho reknast til aristokratiet.

SAK 417: [29. juli 1385–28. juli 1386], Ullensvang. Vitnebrev frå Torbjørn Simonsson og Sigurd Severinsson. Dei var til stades då **Hallstein Eindridesson** gjorde rekneskap med **Sunniva Nikolasdotter**, som åtte **Håvard Sigurdsson** lagmann i Ryfylke, om dei jordene ho kallar Midhus og «Hanghar» i Folkedal (Gra 126–127, 129) i Granvin kyrkjesokn i Hardanger og 6 mmb i Instanes (Ull 146–147) i Kinsarvik. Hallstein betalte til Sunnivas tilstadeverande ombodsmann 12 laup smør og 8 laupslag i varer og 13 laup av Instanes i smør og varer. Sunniva skal kompensera Hallstein for reparasjon av hus i form av eit sølvprydd horn som Ogmund

1246. DN VI, nr. 249.

1247. DN I, nr. 476; RN VII, nr. 1075.

1248. DN XII, nr. 97; RN VI, nr. 338.

1249. L. Hamre 1949, s. 100, samt tavle på s. 117.

1250. H. Bjørkvik 1997, s. 359, kallar henne (vel etter Steinnes 1951b, s. 135) Sigrid Arnesdotter, men dette patronymet er ikkje kjeldebelagt.

på Aga og Sigrid, kona hans, åtte. Hallstein og Sunniva har med dette ordna sitt mellomvære med omsyn til landskyld og husebot etter at Håvard døydde. Sunniva skal også hindra eventuelle krav frå Håvards arvingar.¹²⁵¹

Hallstein Eindridesson har eg derimot ikkje lukkast å finna ytterlegare opplysningar om, men det skulle ikkje vera særskilt dristig å rekna han til den lokale eliten på bakgrunn av det miljøet han her opptrer i.

SAK 418: 21. mars 1436, Ullensvang: Vitnebrev frå Orm Toresson, Gjermund Åmundesson, Simon Vagleiksson og Gard Bårdsson. Dei var til stades på prestegarden i Ullensvang då **Viking Finnsson** gjorde makeskifte med **Toralde Bergulvsson**, slik at Viking Finnsson gav til Toralde Bergulvsson 20 mmb i Aske (Mosterøy 6) og 2 ½ mmb i Vaula (Mosterøy 7), begge i Aske sokn i Bru skipreide i Ryfylke. Mot dette gav Toralde til Viking 7 ½ mmb i Aga (Ull 64) i Ullensvang sokn i Hardanger.¹²⁵² Likeeins vedgjekk Toralde å ha selt til Viking, og fått full betaling, 2 ½ mmb i Nordtveit (Ull 150) og 3 spann jord i Kambastad (Ull 56) i Ullensvang sokn i Hardanger.¹²⁵³

Før eg går laus på dei involverte i denne saka er det turvande også å trekkja inn eit brev frå 1423. På Hestbø på Finnøy utferdar dette året Gard Toresson, lagmann i Ryfylke, og Guttorm Øyvindsson, systemann på Lista, og lagrettemenn eit forliksbrev. Kom for dei velborne mann herr Eindride Erlendsson, riddar og høvedsmann på Tunsberghus og systemann i Ryfylke, i ombod for **Finn Torgeirsson** på den eine sida, og **Bergulv Arnesson** i ombod for **Jorunn**, kona si, på den andre. Herr Eindride kjærte på garden Aske i Aske sokn i Bru skipreide som Finn meinte var fråhalde han av Bergulv. Dei vart forlikte på den måten at herr Eindride (det vil vel i røynda seia Finn Torgeirsson)¹²⁵⁴ skal ta all landskylda av Aske i 12 år, og etter det skal Bergulv få attende helvta av garden til æveleg eige for han sjølv og etterkomarane hans, medan Finn skal behalda den andre helvta.¹²⁵⁵

Viking Finnsson i denne saka er tvillaust son av Finn Torgeirsson i 1423, og **Toralde Bergulvsson** er på same måte tvillaust son av Bergulv Arnesson og Jorunn, ettersom det er på Jorunns vegne at Bergulv opptrer.¹²⁵⁶ Toralde Bergulvsson opptrer elles i eit par andre brev. I 1439 er han nemnt sist av to menn som utferdar eit vitnebrev om forlik på Tjerne i Vanse på Lista,¹²⁵⁷ og i 1446 gjev han 1 stint mmb i Skartveit (Fister 21) på Halsnøy i Fister til biskop Gunnar av Stavanger.¹²⁵⁸

1251. DN, XXIII, nr. [59]; RN VII, nr. 1315. Brevet er også kort referert i Steinnes 1951b, s. 135.

1252. Jf. Steinnes 1951b, s. 134, for dette tilsynelatande mishøvet i landskyldverdiar i brevet.

1253. DN VI, nr. 463.

1254. Jf. Steinnes 1951b, s. 134.

1255. DN XXI, nr. 297.

Viking Finnsson har eg berre funne i eitt anna brev. Det er på Bleie i Ullensvang i 1469 då han er nemnt som nummer to av tre menn som utferdar eit vitnebrev om eigedom.¹²⁵⁹ Begge desse to må reknast til aristokratiet, i første rekkje på grunn av slektstilhøva deira.¹²⁶⁰

SAK 419: 25. februar 1457, Berge i Strandebarne: Vitnebrev frå Torstein Erlendsson, Brynjulv Trondsson, Ivar Olavsson og Håvard Erlendsson, lagrettemenn i Øyerhamn skipreide. Dei var til stades då hustru **Ragna Sigurdsdotter**, frisk på sinn og lekam, lyste at ho hadde gjeve til frenden sin, **Torgils Vikingsson**, 6 mmb og 1 spansbol i ytste tunet i øvre Børve (Ull 78–79) i Ullensvang kyrkjesokn i Hardanger.¹²⁶¹

Hustru **Ragna Sigurdsdotter** har eg berre funne omtalt i denne eine saka, men ettersom ho nyttar hustrutittelen er det ikkje tvil om at ho kan reknast til aristokratiet. Det har vore gjort freistnader på å knyta henne både til ætta på Hovland og ætta på Torsnes,¹²⁶² men om dette er rett er uråd å avgjera.

Torgils Vikingsson er også berre kjent frå dette eine brevet, men må vera son til Viking Finnsson ovanfor.¹²⁶³ Truleg var han gift med Gudrun Ormsdotter av ætta på Lydvo på Voss (jf. tavle 14 på s. 294), og det er etterslekta hans vi møter på 1600-talet mellom anna i form av adelsætta Galtung. Nøyaktig *korleis* Galtung-ætta ættar frå Torgils Vikingsson har likevel vore mykje omstridd, og er enno ikkje tilfredsstillande utgreidd.¹²⁶⁴ Torgils Vikingsson kan trygt reknast til aristokratiet på bakgrunn av slektstilhøva.

1256. Eg kan ikkje vera samd med Steinnes når han (1951b, s. 134–136) konstruerer ein Arne Ogmundsson som skal vera far til Bergulv Arnesson, slik at Bergulv vert ein soneson av Ogmund Arnbjørnsson i Aga. Dette er eit grep som Steinnes ser ut til å nytta berre for å byggja opp under hypotesene sine. Når det står svart på kvitt i brevet frå 1423 at Bergulv Arnesson handlar i ombod for kona si, er det ikkje rom for tvil om at slektskapet må vera mellom Finn Torgeirsson og Jorunn. Eg har vorte fortalt at Asgaut Steinnes i ein samtale med Lars Hamre, i samband med at Steinnes skulle starta på eitt av sine større genealogiske arbeid, fortalte Hamre, med eit noko infamt glimt i auga, at han «no skulle gje seg fantasien i vald». Det kan knapt vera tvil om at det er noko slikt han har gjort i dette tilfellet.

1257. DN IX, nr. 274.

1258. DN X, nr. 187.

1259. DN XV, nr. 95.

1260. Toralde Bergulysson har stor etterslekt på Agder, ikkje minst i Setesdalen. Sjå t. d. Schwabe-Hansen 1949; Jonassen 1951; Steinnes 1951b, s. 133; Handegård 2004, kap. 7.

1261. DN IV, nr. 939.

1262. Jf. Handegård 2004, kap. 6–7.

1263. Jf. Steinnes 1968, s. 226–227.

1264. Sjå t. d. Steinnes 1951b; Kleppe 1959; Steinnes 1961; Steinnes 1968; J. E. Galtung 1974 og 1997.

4.12 Ivar Lodinsson og slektskrinsen hans

Det er fem brev frå tida 1303–1305 som gjev oss eit lite innsyn i denne slektskrinsen, og alle er rege-
sterte i saka nedanfor.

SAK 420: 15. juli 1303, Bergen: Stadfestingsbrev frå kong Håkon Magnusson. Han stadfestar kong Eiriks dom [1280 mai 10 – 1299 juli 13] om arven etter herr **Ivar Lodinsson**. Kong Eirik dømte då at **Ingegjerd**, søster til herr Ivar Lodinsson, skulle ha to tredelar av godset etter herr Ivar, og fru **Gudrun**, kona hans, ein tredel, likevel slik at fru Gudrun skulle ha 30 mmb som ho hadde i medgift, og som herr Ivar selde [til Munkeliv] utan at ho visste det. Kong Håkon avgjer i tillegg at Munkeliv kloster skal ha av arven det som vantar på 30 mmb, i staden for den jorda herr Ivar selde ulovleg.¹²⁶⁵

7. august 1303, [Bergen?]: Kunngjering frå **Jon Lodinsson**. Han viser til dom av kong Eirik, kong Håkon og Nikolas lagmann om at han skal erstatta Munkeliv kloster for det godset som frenden hans herr **Ivar Lodinsson** selde til Munkeliv, og fru **Gudrun** åtte då dei vart gifte. Det var 17 ½ mmb, nemleg 10 mmb i Fjellanger (Lin 103)¹²⁶⁶ og 7 ½ mmb i Havrå (Haus 68). Jon Lodinsson gav no til Munkeliv kloster jamgode jorder, nemleg 9 mmb i Ut-Henne (Glo 46) og 8 ½ i Rygg (Glo 12). Jon skal ha innløysingsrett når han vil.¹²⁶⁷

9. august 1303, [Munkeliv]: Brev frå abbed Runolv og alle brørne i Munkeliv til Ivar bonde på Lote i Gloppenfjorden, Sigurd presteson, Orm på Fitje, Rikard på Gjemmestad, Gunnar på Andenes og Bård på Henne. Herr **Ivar Lodinsson** selde 17 ½ mmb til abbed Eirik i Munkeliv, og **Jon Lodinsson** overdrog denne jorda til abbeden. Klosteret fekk likevel ikkje behalda denne jorda. Utferdarane ber mottakarane om å taksera den jorda som Jon har gjeve til klostret i erstatning.¹²⁶⁸

4. september 1303: Kunngjering frå Markus i Elvik. På oppmoding frå frenden sin, **Jon Lodinsson**, har han late forstandige menn i bygdene, i nærvere av brørne i Munkeliv, taksera 10 mmb i Fjellanger (Lin 103) i Straumkverven og 7 ½ mmb i Havrå (Haus 68) i Oster. Fjellanger vart taksert for 20 mark brent, det same som abbeden kjøpte den for, og Havrå til 12 øyre brent per mmb med 12 øyre i tillegg for forbetring av husa. Forbetringa var delvis, og for Fjellangers del heilt, oppvegen av at abbeden hadde late hogga i skogen.¹²⁶⁹

16. oktober 1305, [Bergen?]: Vitnebrev frå Pål Skeiv og Martein Bårdsson. Dei var til stades då

1265. DN XII, nr. 33; RN II, nr. 992 og III, nr. 93.

1266. Neppe gnr 92 i Hosanger, som ligg i Eksingedalen, og har i nytid ei landskyld på berre 1 pund smør. Jf. også jordeboka 1427 der Fjellanger er sagt å liggja i «Straumahvarve».

1267. DN XII, nr. 34; RN III, nr. 104

1268. DN XII, nr. 36; RN III, nr. 105

1269. DN XII, nr. 37; RN III, nr. 113

Jon Lodinsson betalte abbed Einar i Munkeliv 12 mark brent for 8 mmb i Rygg (Glo 12) i Gloppefjorden, og lova å betala all ubetalt landskyld av Rygg og Ut-Henne (Glo 46) inntil han har løyst dei attståande 9 ½ mmb.¹²⁷⁰

Ivar Lodinsson er berre sikkert kjent frå denne saka, men er rimelegvis identisk med den herr Ivar som etter *BK* gav to kyr til prestebølet på Eid.¹²⁷¹ Riddartittelen viser at han må reknast til aristokratiet. **Ingegjerd**, søstera hans, har eg heller ikkje funne omtalt andre stader enn her.

Gudrun, enkja etter Ivar Lodinsson, er eksplisitt også berre omtalt i denne saka, men er truleg identisk med fru Gudrun som er nemnt ein del stader i *BK*, og vart truleg gift på nytt med riddaren Gunnar Tomasson (sjå under neste sak). Dei to første breva i denne saka tyder på at ho har tilhøyrt ei ætt som åtte jord i Nordhordland, utan at vi veit noko om kva for ei slekt det kan ha vore. Ho må tvillaust reknast til aristokratiet, og ikkje som det har vore hevda av Brita Skre «ei storbonde-dotter som vart gift inn i lågadelen».¹²⁷²

Jon Lodinsson har eg heller ikkje funne meir om enn det som kjem fram i denne saka. Frenndskapet med Ivar Lodinsson tyder nok på at han minst må reknast til eit elitesjikt, men noko ut over det er vanskeleg å argumentera for. Den andre frenden hans som vi kjenner til, Markus i Elvik (Bru 42), veit ein heller ikkje meir om enn at han utferdar kunngjeringsbrevet ovanfor i september 1303.

SAK 421: 10. januar 1338, i Borgund på Sunnmøre: Salsbrev frå **Karl Gunnarsson** på Gjemmestad: Han selde dei 2 mmb i Håeim, som hustru **Gudrid** («Guðrið husprœyia») gav til si sonedotter **Gyrid**, til **Simon Kolbjørnsson**. Gyrid, kona til Karl, var til stades og samtykte i salet («Var j þæsso handabande so Gyrið husprœyia min sem ek»). Som garanti har Karl stilt 2 mmb i Rygg (Glo 12) i Fjordane. For dette betalte Simon til Karl 1 skippund malt, 1 skippund mjøl, 1 tønne sterkøl («bion»), samt 12 alen gentsk klede.¹²⁷³

Utgjevarane av *RN V* reknar med at Håeim er gnr. 13 i Innvik,¹²⁷⁴ medan Jacob Aaland i bygdeboka for Innvik reknar med at garden det er tale om er gnr. 12 i Jølster.¹²⁷⁵ Sjølv vil eg seia meg samd med Aalands vurdering her, ettersom det er andre moment som peikar i retning av Jølster. Eg kjem attende til det.

1270. *DN XII*, nr. 40; *RN III*, nr. 286.

1271. *BKMunch*, s. 17–18; *BK*, pag. 14b–15a.

1272. B. Skre 1987, s. 99. Utsegna illustrerer truleg godt haldningane til aristokrati og adelsforskning i delar av norsk historiografi på 1900-talet.

1273. *DN I* nr. 250; *RN V* nr. 82.

1274. *RN V*, s. 471. Erik Gunnes står som ansvarleg utgjevar av dette bandet.

1275. Aaland 1932b, s. 41.

Simon Kolbjørnsson har eg ikkje funne meir om, men det at han mellom anna betalar i gentsk klede tyder på at han var velstående. Klede frå den flamske byen Gent var, saman med klede frå Ypres, rekna som det langt dyraste og beste ein kunne få tak i.¹²⁷⁶ Ut frå det kan ein nok trygt rekna han til den lokale eliten.

Karl Gunnarsson må reknast til aristokratiet, ettersom han var gift med **Gyrid**, sonedotter til hustru **Gudrid**. Han førekjem heller ikkje i andre kjelder, men eigedom i Håeim i Jølster, gjer det svært sannsynleg at han er son til ein herr Gunnar som er omtalt nokre gonger i Bergens Kalvskinn.¹²⁷⁷ Han er der sagt å ha gjeve 5 mæler åker i Avlei (Inn 5) til presten i Olden, samt 3 mmb i Helgeim (Inn 85/Glo 50 Hopland)¹²⁷⁸ til presten på Gjemmestad for årtidhald og sjelemesser for seg sjølv.¹²⁷⁹ Rimelegvis er kyrkja på Gjemmestad heimekyrkja til herr Gunnar.

Herr Gunnar må på si side vera identisk med riddaren **Gunnar Tomasson**, som første gong opptrer i kjeldene i 1309 som ein av garantane for fredsavtalen mellom Noreg og Danmark. Han er alt då nemnt riddar.¹²⁸⁰ I 1324 er han nemnt først mellom dei som utferdar takseringsbrevet på lendmannsgarden Ståreim i Nordfjord,¹²⁸¹ og i 1328 er han til stades på prestegarden i Førde i Sunnfjord der han utferdar eit brev om vitnesbyrd.¹²⁸² På bakgrunn av at Karl Gunnarsson eig jord i Rygg i Gloppen, er det rimeleg å rekna at han er son til den fru **Gudrun** som også opptrer fleire gonger i Bergens Kalvskinn. Ho er sagt å ha gjeve 3 mmb i Rygg, halvt til presten og halvt til kyrkja på Gjemmestad, på det villkåret at ho skulle ta leiga medan ho levde.¹²⁸³ Det er vidare rimeleg å rekna med at ho er identisk med den fru Gudrun som i 1303 er omtalt som enkja etter herr Ivar Lodinsson (sjå ovanfor). Den fru Gyrid som etter Bergens Kalvskinn gav 1 mmb i Grov (Glo 11) til presten på Vereide, og 2 ½ mmb 1 settings tveite i Rygg i Gloppen til presten på Gjemmestad med same skilord som herr Gunnar,¹²⁸⁴ er rimelegvis identisk med kona til Karl Gunnarsson. Kan henda er ho identisk med den fru Gyrid Sigurdsdotter som opptrer i Bergen i 1328.¹²⁸⁵

1276. Enemark 1963, sp. 462; Spufford 2002, s. 233–234.

1277. Jf. Steinnes 1971, s. 25–26 og 30.

1278. Aaland 1932b, s. 250–251.

1279. *BK*, pag. 7a og 13a; *BKMunch*, s. 12 og 16.

1280. *DN IX*, nr. 82.

1281. *DN I*, nr. 176. Mellom dei andre utferdarane finn vi Eindride Simonsson, den seinare lagmannen, som var frå Leikvin i Eid. Koplinga til Nordfjord vert med det styrka.

1282. *DN III*, nr. 148.

1283. *BK*, pag. 13a.

1284. *BK*, pag. 12b og 13a–b; *BKMunch*, s. 15–16.

1285. *DN II*, nr. 165.

4.13 Frå Kvam i Hafslo til Finne på Voss

Den første som diskuterte slektene på Kvam i Hafslo i Sogn og Finne på Voss i full breidde, var Gerhard Munthe i ein artikkel i *Samlinger til det Norske Folks Sprog og Historie* i 1835.¹²⁸⁶ P. A. Munch skriv også ein del om dei si Noregshistorie, og Yngvar Nielsen har også skrive om denne slektskrinsen.¹²⁸⁷ Den yngre slekta på Finne, det vil seia etterkomarane etter Botolv Eindridesson (sjå s. 237) på Finne, er handsama tidlegare under Voss, slik at det er primært personane som opptre i samband med Sogn som er med nedanfor.

SAK 422: 29. mars—4. april (påskeveka) 1304, [Bergen?]: Vitnebrev frå Ivar [Jonsson] lagmann i Bergen og Jon notarius i Einarsgarden: Dei var til stades då **Andres på Mara** og kona hans, **Tora** («Þora husprœyia hans»), selde til **Eindrive Kvite** 7 mmb i Kvam på Folke (Haf 43/45) og 4 mmb i Mara (Haf, forsv.) for 4 ½ kyrlag for kvart mmb, med innløysingsrett for seljarane til same pris. Andres og Tora vedgjekk også at **Sigurd Elg**, bror til Tora, selde til Eindrive 5 ½ mmb i Kvamme (Bor 20) på Borgund for 4 kyrlag for kvart mmb, og at han fekk betaling for det. Vidare selde Andres og Tora 1 mmb i Kvamme i Borgund for 4 ½ kyrlag. Dei vedgjekk også å ha fått betaling for alt jordegodset.¹²⁸⁸



Figur 75. Teikning av seglet til Andres på Mara frå 1329 (*NoSigV*, nr. 180).

Andres på Mara opptre ut over dette, også i sak 426 nedanfor. Mellom dei som då (i 1329) var til stades då brevet vart utferda var Hallvard Andresson, son til Andres på Mara. Seglet til Andres er bevart frå 1329, og inneheld eit våpenmerke, som indikerer at han minst må reknast til ein lokale elite, kan henda også til aristokratiet. **Tora**, kona hans, opptre berre i dette eine brevet, og det same gjeld for **Sigurd Elg**, bror til Tora. Dei må reknast til det same sosiale sjiktet som Andres.

Eindrive Kvite er nemnt første gong i 1298, då han saman med Nikolas lagmann og Alv i Kroken, den seinare systemannen på Island,¹²⁸⁹ utferdar eit vitnebrev om jordsal i Nordfjord (sjå sak 412). Han opptre då i eit klårt aristokratisk miljø, og kan åleine på bakgrunn av det reknast for å tilhøyra det

same aristokratiet. Ut over dette opptre han også i dei følgjande to sakene samt at han er nemnt i sak 442, og han var gift med Birgit Bårdsdotter i Grauten (sjå neste sak).

1286. G. Munthe 1835a.

1287. P. A. Munch 1862 og 1863, fleire stader; Y. Nielsen 1880b.

1288. *DN I* nr. 101; *RN III*, nr. 166.

1289. Jf. t. d. Magerøy 1993, s. 93–94.


SAK 423: 15. mars 1308, Bergen: Domsbrev frå Eindride [Simonsson] lagmann: **Birgit Bårdsdotters** mann **Eindride [Kvite]** (sjå ovanfor) hadde reist odelsøksmål mot **Arnfinn Eilivsson** (sjå s. 358) om 3 mmb i Kvamme i Borgund (Bor 20). Lagmannen fekk då til ei semje mellom partane om at Arnfinn skulle reisa til Borgund og framføra sine vitner for Birgits ombodsmann. Kunne han ikkje det, skulle Birgit ha jorda og Arnfinn den betaling som domsmenn fastsette. På stemnet vitna Besse og Øystein for lagmannen, med Arnfinn innstemna, i nærvære av Arne Lang i Gylten og Arne Lang i Gullskoen, om denne semja. Då Arnfinn ikkje har kunna framføra vitner, vert Birgit tildømt jorda.¹²⁹⁰

Birgit Bårdsdotter opptrer første gong i dette brevet, og er nemnt i fleire av sakene nedanfor. Denne saka har eit etterspel så seint som i 1362 (sjå sak 442), der det kjem fram at Botolv Eindrideson (sjå s. 237) har arverett til godset etter Birgit Bårdsdotter. At ho hadde søsken kjem fram i eit brev frå 1324 (sjå sak 425), då Pål i Kvam (sjå s. 315) er ombodsmann for søsterbarna til Birgit i Grauten. Birgit Bårdsdotter var truleg død då, ettersom det kan sjå ut til at Øystein Mugga, på vegne av kona si, har krav på arv etter henne. Ein kan vel med rimeleg visse rekna med at ho også er død før 1315, då versonen ser ut til å ha bygarden Grauten. I 1342 kjem det også fram at ho hadde ei dotter som må ha vore gift med ein riddar ettersom dottera hadde fruetittel (sjå sak 436). Birgit Bårdsdotter kan trygt reknast til aristokratiet på bakgrunn av slektstilhøva sine.¹²⁹¹ Det kan elles her høva å setja inn ei slektstavle som syner etterslekta hennar, slik eg meiner at slektstilhøva må ha vore.

1290. DNI nr. 117, jf. RN III, nr. 456.

1291. K. Helle 1999a, meiner at ho «tilhørte det øvre sjiktet av 'husfaste' i byen, forløperne til det senere byborgerskapet», og at ho og ætta hennar vitnar om den «tette forbindelsen mellom storbønder, fremstående byfolk og lavadel i samtiden».

Tavle 15. Ætta på Kvam i Hafslø og Finne på Voss (sjå dessutan tavle 9 på s. 238).



SAK 424: 10. august 1307–9. august 1308: Vitnebrev frå Hallvard Absalonsson, prest, og Helge Kvite: **Eindrīde Kvites** (sjå ovanfor) kone **Birgit** (sjå ovanfor) kjøpte frå **Ivar «thuart»** 3 ½ mmb i «Æpplam» (Sog 14) for 12 øre brent for kvart mmb. Etter ni år skal Ivar kunna innløysa garden for same sum i gode engelske pengar som han skal få tak i utan å ta opp lån.¹²⁹²

Ivar «thuart» er elles ukjend, og når Ingvild Øye kan omtala han som «sogndalsbonden» og hevda at han «må (...) ha vore den siste sjølveigande bonden på Epplar»¹²⁹³ er det heilt utan haldepunkt i


1292. DN II, nr. 92; RN III, nr. 507.

kjeldene. Det einaste ein veit om han er at han åtte og selde jord i ein gard i Sogndal. Han treng ikkje ha budd på garden, ei heller i Sogndal, og ikkje noko av det vi veit kan hjelpa oss til å identifisera han sosialt. Likevel vert han programmatisk definert som bonde. No må nok det meste av skulda for dette gå til den norske historiografiske tradisjonen etter Sars og Holmsen, snarare enn til Ingvild Øye sjølv, men dette er likevel eit svært illustrerande eksempel på kor sterk innverknad tradisjonen kan ha på historiefortolkinga.

SAK 425: [4. september el. 11. desember] 1324, [Bergen?]: Vitnebrev om forlik frå Guttorm Helgesson, systemann i Bergen, og Eindride Simonsson lagmann: Dei var til stades då **Øystein Mugga** på vegne av kona si inngjekk forlik med **Pål i Kvam** på vegne av søsterbarna til **Birgit i Grauten** (sjå s. 313), slik at Øystein skal overlata 7 mmb i Lingjerde (Lus 68) og 33 mark i klede og anna til Pål som ombodsmann for borna. Med dette skal dei vera forlikte om Birgits gåve til søsterborna sine.¹²⁹⁴

Øystein Isaksson Mugga er nemnt første gong i denne saka, og opptrer i fleire av sakene nedanfor. Patronymet hans får vi i vitnebrevet om arveskiftet etter han i 1337 (sjå sak 432), og han må vera død ikkje så lenge før dette, ettersom han ser ut til å vera i live året før (sjå sak 430 og 431). På bakgrunn av ekteskapet hans med Jartrud (sjå s. 316), som må ha vore ei dotter av Birgit Bårdsdotter og Eindride Kvite, kan han reknast til aristokratiet.

Pål Arnfinnsson i Kvam opptrer også første gong i dette brevet, og er nemnt i fleire av sakene nedanfor, siste gong i 1335/1336 (sak 431). Han er truleg også identisk med den Pål som i *BK* er sagt å ha kjøpt 1 [mmb] i Kvamme (Bor 20) og 2 [mmb] nedre Æri (Lær 19–20) til kyrkja på Hauge i Lærdal.¹²⁹⁵ Han har truleg vore nærskyld til Jartrud, kona til Øystein Mugga, ettersom det ser ut til at han både har hatt ei søster og ei dotter med dette namnet.¹²⁹⁶ Sjølv var Pål Arnfinnsson gift med ei Ragnhild (sjå nedanfor). Seglet og slektstilhøva hans vitnar såleis om tilhøyrsløse til aristokratiet i Sogn. Eg trur likevel ikkje at han har vore far til Arnfinn Brattsson gullsmed (sjå s. 455), slik Olaf Sollied meinte.¹²⁹⁷ All den tid namnet Bratt også vart nytta som føre-



Figur 76. Seglet til Pål Arnfinnsson i Kvam frå tida 1329–1331 (*NoSjgV*, nr. 181).

1293. Øye 1986, s. 344.

1294. *DN I* nr. 179, jf. *RN IV*, nr. 315. Feildatert i *DN*, jf. *DN I* innleiinga s. L.

1295. *BKMunch*, s. 42; *BK*, pag. 39a–b. Det eine mmb i Kvamme kjøpte han saman med ein sira Arne, som vel må ha vore prest ved kyrkja.

1296. H. Sollied 1941–1942, s. 278.

namn, og Pål Arnfinnsson aldri er omtalt med Bratt som noko tilnamn, byggjer Sollied berre på ei svært tynn hypotese. Denne slekta er elles handsama i kapittelet om Æri-godset (kap. 4.44).

SAK 426: 13. september 1329, [Sogn?]: Vitnebrev om sal frå Pål [Arnfinnsson] på Kvam og Narve Torsteinsson: Dei var til stades då **Andres på Mara** (sjå s. 312) vedgjekk («er Andres gek viðr a Mara») at **Øystein Mugga** (sjå s. 315) hadde kjøpt [vel frå Andres] til kona si, **Jartrud**, 3 ½ mmb i «Epplam» (Sog 14)¹²⁹⁸ for 16 såld korn av hennar gods.¹²⁹⁹

Jartrud, kona til Øystein Mugga, og farmor til Eindride Botolvsson (sjå s. 318), opptrer første gong i dette brevet, og elles i fleire av sakene nedanfor. På bakgrunn av ekteskap og slektstilhøve må ho reknast til aristokratiet. Ei Jartrud, dotterdotter til Kolla, som i *BK* er sagt å ha gjeve 1 mmb, uvisst kvar, til presten på Kaupanger,¹³⁰⁰ kan tenkjast å vera identisk med denne Jartrud, men namnet er ikkje så uvanleg at det ikkje kan vera tale om ei heilt anna Jartrud.

SAK 427: 12. april 1331, Kvam i Hafslø: Vitnebrev om sal frå Andres Håvardsson, Sigurd Josefsson og Torkjell i Tang: Dei var til stades på loftet i Kvam, då **Pål** (sjå s. 315) og kona hans, **Ragnhild**, selde til **Øystein Mugga** (sjå s. 315) og kona hans, **Jartrud** (sjå ovanfor), 8 mmb i indre garden [i Kvam] (Haf 43/45) der han no sit, for 5 kyrlag for kvart mmb. Jartrud tok eit niande mmb etter si mor. Pål vedgjekk å ha fått full betaling, 4 såld korn eller 3 laup smør for kvart kyrlag.¹³⁰¹

3. mars 1333, Solvorn: Vitnebrev om sal frå Erling Steinarsson, Sigurd Josefsson, Torkjell i Tang, Torstein «vaggadr», Gudbrand Aslaksson og Erling Folkungsson: Dei var til stades då **Pål i Kvam** (sjå s. 315) og kona hans **Ragnhild** handtokst med **Øystein Mugga** (sjå s. 315) vedrørende det mmb i Kvam (Haf 43/45) som Øystein og kona hans, **Jartrud** (sjå ovanfor), hadde kjøpt for 5 kyrlag, og lyste at dei hadde fått full betaling for dei tidlegare selde 8 mmb. No åtte dei ikkje meir i Kvam, men Pål og borna hans hadde innløysingsrett.¹³⁰²

Ragnhild, kona til Pål Arnfinnsson i Kvam, er berre kjent frå denne saka, og meir er dermed ikkje kjent om henne. Ho må også reknast til aristokratiet.

1297. O. Sollied 1926, s. 50–52; H. Sollied 1941–1942, s. 277–279; jf. G. Solberg 1975, s. 148.

1298. Denne garden låg etter alt å døma under Åbyrje i tidleg nytid, og i det minste gjev brukarane av Åbyrje både landskyld og leidang av ein *Ellpe* eller *Eplle* øydegard sist på 1500-talet og tidleg på 1600-talet. Jf. dessutan Øye 1986, s. 289.

1299. *DN I* nr. 205, jf. *RN IV*, nr. 698.

1300. *BK*, pag. 43a–b.

1301. *DN I* nr. 214, jf. *RN IV*, nr. 814.

1302. *DN I* nr. 222; *RN IV*, nr. 938.


SAK 428: [23. februar el. 5. juli] 1332, Holseto i Hafslø: Vitnebrev frå Torkjell i Tang, Torberg Presteson og Pål i Kvam. Dei var til stades då **Øystein** kjøpte halve stova i Lommeim (Haf 50) av **Erling** for 4 mark forngilde.¹³⁰³

Øystein som opptrer i dette brevet er rimelegvis identisk med **Øystein Mugga** (sjå s. 315), etter som skiftet etter han i 1337 (sjå sak 432) inneheld jord i Lommeim.

Kven **Erling** kan ha vore er derimot meir uvisst. Det er uråd å seia noko sikkert om det, men det opptrer fleire med dette namnet i Sogn på denne tida, til dømes som utferdarar i både den føregåande og den påfølgjande saka. Rimelegvis er han far til den Isak Erlingsson (sjå s. 322) som seinare på 1300-talet eig jord i Lommeim.

SAK 429: 4. august 1333, Kvam i Hafslø: Vitnebrev frå Erling Steinarsson, Torstein Bassesson og Erling Folkungsson. Dei var til stades i **Sigurd Andorssons** loft i Kvam, då **Øystein Mugga** (sjå s. 315) og Sigurd vart forlikte om sine respektive rettar i garden. Kvar av dei skulle ha det som dei før hadde avtalt av Mo (Haf 56), og helvta kvar i notvarpet ved Kvam (Haf 43/45).¹³⁰⁴

Sigurd Andorsson i Kvam er nok identisk med den Sigurd i Kvam som i *BK* vert sagt å skulla svara for det mmb som **Brynhild**, kona hans, gav presten i Hafslø til årtidhald for seg.¹³⁰⁵ Sigurd Andorsson opptrer dessutan først mellom utferdarane av eit salsbrev dagsett Kvam den 25. mars 1349 (sak 440), og frå dette brevet er seglet hans kjent. Det inneheld eit våpenmerke, og saman med opplysninga om at han bur på Kvam i Hafslø, ein kjend stormannsgard på same tid, skulle det i det minste borga for at han og kona som eit minimum må reknast til den lokale eliten.



Figur 77. Seglet til Sigurd Andorsson frå 1349 (*NoSigV*, nr. 573).

SAK 430: 21. mai 1336, [Hafslø]: Vitnebrev frå Torkjell i Tang og Helge [Erlingsson?] i Holseto. Dei var til stades då **Øystein [Mugga]** (sjå s. 315) betalte 4 såld korn for dei 6 mmb i Lommeim (Haf 50) som han kjøpte av sin bror **Gaut**, og Gaut vedgjekk å ha fått full betaling.¹³⁰⁶

Gaut [Isaksson?], bror til Øystein Isaksson Mugga, er berre kjent frå dette eine brevet. I eigenskap av bror til Øystein, er det likevel rimeleg å rekna han til aristokratiet også.

1303. *DN* IV, nr. 198; *RN* IV, nr. 885, i *DN* datert til 1. mars.

1304. *DN* II, nr. 202; *RN* IV, nr. 984.

1305. *BKMunch*, s. 37; *BK*, pag. 34b.

1306. *DN* III, nr. 187; *RN* IV, nr. 1180.

SAK 431: [26. august 1335–25. august 1336], Kvam i Hafslo: Vitnebrev frå Torkjell i Tang og Erling Folkungsson. Dei var til stades då **Øystein Mugga** (sjå s. 315) og **Pål** Arngrimsson [vel feil for **Arnfinnsson**] (sjå s. 315) gjorde avtale, slik at Øystein gav til Pål 4 såld korn og skulle gje 1 kyrlag neste haust i slike betalingsmiddel som dei vart samde om.¹³⁰⁷

Begge desse to er handsama tidlegare.

SAK 432: 6. november 1337, Kaupanger: Vitnebrev om arveskifte frå sira Hauk, Torstein Skolle og Erp Bjørnsson: Dei var til stades då **Ordrek** på egne og sine brorbarns vegne, i nærvære og med samtykke av Toralde Arnesson, inngjekk avtale med **Eindride Botolvsson** på hans farmor **Jartruds** (sjå s. 316) vegne, om arven etter **Øystein Isaksson** (sjå s. 315): Ordrek skulle ha 9 mmb i Holseto (Haf 51) og 4 mmb i Drevdal (Lus 84 el 86), hans brorborn skulle ha 13 mmb i Lommeim (Haf 50) etter sin far, og Eindride og Jartrud skulle eiga jord, reiskap og lausøyre.¹³⁰⁸

Ordrek må vera ein son av Øystein Mugga frå eit tidlegare ekteskap, ettersom det er den enklaste løysinga på at brorborna hans også tek arv etter Øystein. Ektefødde sønesøner arvar nemleg likt med søner dersom far deira er død.¹³⁰⁹ Namnet hans er svært uvanleg, og Lind har berre fire tilfeller der det førekjem i mellomalderen. Han gissar på at ein Ordrek som opptrer i Bergen i 1309 kan vera same mann,¹³¹⁰ noko som vel ikkje er utenkjeleg ettersom både Øystein Mugga og kona hans, Jartrud, må ha vore relativt gamle i 1330-åra når Jartrud er gammal nok til å ha ein myndig soneson i Eindride Botolvsson. Ein slik identifikasjon er likevel svært usikker. Ordrek må likevel reknast til det same sosiale sjiktet som faren. Kven brorborna til Ordrek er seier ikkje brevet noko direkte om, men ettersom han opptrer på deira vegne kan brevet neppe tolkast i retning av at Eindride Botolvsson er ein av desse brorborna. Kan henda er Arnfinn Isaksson som sel noko jord i Kvam i 1341 (sak 435) ein av dei.

Eindride Botolvsson er nemnt første gong i denne saka, opptrer i fleire av sakene nedanfor inntil han er nemnt for siste gong i 1348 (sak 439). Kor vidt han framleis var i live då, er uklårt, ettersom det tale om eit vitneprov om gåver som hadde vorte gjevne tidlegare. Snarare kan brevet tyda på at han er død. Også Eindride Botolvsson kan reknast til aristokratiet. Han er far til Botolv Eindridesson som er handsama tidlegare (sjå s. 237). Anders Thiset skriv at våpenet til Finne-ætta

1307. *DN XXI*, nr. 53; *RN IV*, nr. 1200.

1308. *DN I* nr. 248; *RN V* nr. 67.

1309. Jf. *MLL*, Arvebolken, kap. 7, s. 80–81; Spangen 1950.

1310. E. H. Lind 1905–1915, sp. 818; *DN II*, nr. 93.

var delt med ei halv lilje til heraldisk høgre og to seksodda stjerner over einannen til heraldisk venstre. Han tillegg Eindride Botolvsson dette våpenet i 1340 og Peter Håvardsson det i 1461,¹³¹¹ utan at eg kan sjå at det er overlevert noko segl frå dei. Det same hevdar den danske heraldikaren Sven Tito Achen.¹³¹² Det er likevel eit slikt våpen ein finn i segla etter Håvard Botolvsson (fig. 51 på s. 259) og Magnhild Oddsdotter (fig. 57 på s. 269). I gamle norske våpenbøker, som kan sporast attende til slutten av 1600-talet, er ein «Endre Botolfsen Rusting» tillagt eit våpen med ei sølv lilje på blå botn, og eit hjelmtteikn med ei hand som held eit drikkehorn.¹³¹³

SAK 433: 18. februar 1338, Huke i Leikanger: Vitnebrev frå Erling Asleson og Erlend Bjørnsson. Dei var til stades då **Olve Erlingsson** selde til **Eindride Botolvsson** (sjå ovanfor) 1 mmb jord i «laadsr jorð» i Eitorn (Bal 42), for 4 kyrlag, og fekk full betaling.¹³¹⁴

Olve Erlingsson har eg ikkje funne nemnt i andre kjelder, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare. *RN* har omsett «laadsr jorð» med odelsjord, men eg er skeptisk til om det er rett. Ikkje minst av di preposisjonen «i» kjem framfor «laadsr jorð» i brevet. Meir truleg er det snakk om ein namngjeven lut av garden.

SAK 434: 26. april 1340, Solvornsstranda i Hafslø: Vitnebrev om makeskifte frå Guttorm Pålsson, prost ved Apostelkyrkja i Bergen, Øyvind Hallsteinsson og Erling Folkkonungsson: Dei var til stades då **Tore Tandre** overlot til **Eindride Botolvsson** (sjå s. 318) 4 mmb i Kvam i ytre Folk (Haf 43/45), mot å få 5 mmb i Drivdalen i Gaupne (Lus 84/86).¹³¹⁵

Tore Tandre er berre kjent frå ei anna sak. Den er på den andre sida svært interessant med omsyn til den sosiale statusen hans. Det er i saka frå 1347 om ei tiendegåve frå riddaren Audun på Slinde til Jorunn, mor til Arne Trondsson. Det kan sjå ut som om Tore Tandre kan ha vore gift med denne Jorunn, noko som indikerer tilhøyrse til aristokratiet. Saka om tiendegåva vert drøfta saman med Arne Trondsson på s. 420.

SAK 435: 12. november 1341, Kvam i Hafslø: Vitnebrev frå Halldor, prest på Joranger, Jon, prest på Fet, og Olav Olavsson. Dei var til stades i indre Kvam i Hafslø sokn på ytre Folk i Sogn då **Eindride Botolvsson** (sjå s. 318) kjøpte 1 ½ mmb i indre Kvam (Haf 43/45) av **Arnfinn Isaksson** for 2 ½ mark brent, og Arnfinn vedgjekk å ha fått full betaling.¹³¹⁶

1311. *NdA*, s. 81.

1312. Achen 1973, s. 333. Opplysninga er vidareført i Ekkje 1983, s. 22, og i Kvitrud 1998, s. 43 (der jamvel tillagt sonen Botolv Eindridesson).

1313. Sjå t. d. KB, Uldall 479 4^{to}, fol. 139^v og 186^f, nr. 184; KB, Thott 1895 4^{to}, nr. XLVII.

1314. *DN XI*, nr. 23; *RN V* nr. 87.

1315. *DN I* nr. 267; *RN V* nr. 312.



Figur 78. Seglet til Arnfinn Isaksson frå 1341 (*NøSigV*, nr. 406).

Arnfinn Isaksson er berre kjent frå denne eine saka, og eg har ovanfor (s. 318) nemnt at han kan tenkjast å vera ein av brorborna til Ordrek, og såleis soneson til Øystein Mugga. Yngvar Nielsen¹³¹⁷ gissar derimot på at han kan ha vore ein bror av Øystein Mugga og den Gaut (sjå s. 317) som er nemnt i live i 1336. Kva som er rett, er uråd å avgjera, men at han må vera ein slektning er det ingen grunn til å tvila på. Saman med seglet hans som inneheld eit våpenmerke, er det difor grunn til å rekna han til aristokratiet.

SAK 436: 11. februar 1342, Tønjum i Lærdal: Vitnebrev frå Egil Torsteinsson. Han var til stades då **Eindrive Botolvsson** (sjå s. 318) lét Jon Einarsson og Olav Jonsson vitna at han hadde stemna Vemund Sigurdsson for Egil til å høyra sine vitne vedrørende øvre Kvamme (Bor 20) i Borgund. Derpå svor Finn Eilivsson og Hallstein Toreson bokeid på at **Birgit Bårdsdotter i Grauten** (sjå s. 313) og hennar dotter fru **Sigrid** åtte 19 mmb i nemnte Kvamme, og at dei ikkje hadde avhenda denne jorda så lenge dei levde.¹³¹⁸



Figur 79. Seglet til Torfinn Sigvaldsson i 1315 (*NøSigV*, nr. 78).

Fru **Sigrid** var gift med Torfinn Sigvaldsson i Grauten,¹³¹⁹ som er nemnt første gong i 1315 då han er mellom utferdarane av eit vitnebrev. Året etter er han mellom utferdarane av eit domsbrev i Bergen saman med mange andre stormenn.¹³²⁰ I 1322 ser det ut til at han er systemann i Sogn,¹³²¹ og i 1324 er han nemnt med herretittel då det vert tilvist til brevet frå 1322.¹³²² Truleg har han vore riddar alt i 1322. Sjølv om P. A. Munch meiner han ikkje døydde før etter 1340, vel med bakgrunn i brevet frå 1342, kan eg ikkje sjå at han er omtalt i kjeldene etter 1324, der han opptrer siste gong mellom utferdarane av vitnebrev om eit forlik mellom fru Ingegjerd Finnsdotter og jomfru Elin Bjarnesdotter.¹³²³ Det har neppe vore born i ekteskapet mellom Sigrid og Torfinn. Seglet til Torfinn Sigvaldsson inneheld eit våpenmerke med ei vinga pil.

1316. *DN* III, nr. 208; *RN* V nr. 513.

1317. Y. Nielsen 1880b, s. 40.

1318. *DN* III, nr. 209; *RN* V nr. 533.

1319. Jf. P. A. Munch 1862, s. 409. O. Sollied 1926, s. 51, meiner han må vera soneson av Håkon Håkonssons skutilsvein med same namn.

1320. *DN* II, nr. 122; *RN* III, nr. 919. *DN* I, nr. 147; *RN* III, nr. 967.

1321. *DN* II, nr. 146; *RN* IV, nr. 184; jf. P. A. Munch 1862, s. 409.

1322. *DN* II, nr. 174; *RN* IV, nr. 284.

1323. *DN* II, nr. 155; *RN* IV, nr. 298.

SAK 437: 11. oktober 1346: Vitnebrev om sal frå sira Sigurd Torsteinsson, prest i Hafslo, Torstein Øyvindsson og Hallstein Torsteinsson: Dei var til stades då **Torstein Øyvindsson** og hans kone **Sigríð** selde 9 mælesleiger i Kalhagen i Hafslo sokn (Haf 54), som **Øyvind Skjegg** før åtte, til **Ingeleiv Torsteinsdotter** for 4 ½ kyrlag forngild.¹³²⁴


Torstein Øyvindsson og kona hans, **Sigríð**, er berre kjende frå dette eine brevet, og det er såleis vanskeleg å identifisera dei nærare. Dersom han også er den som utferdar brevet, kan det tenkjast at Hallstein Torsteinsson som er medutferdar, er sonen hans. Det opptrer ein Hallstein Torsteinsson som lagmann på Hjaltland i 1360,¹³²⁵ men om dette kan vera same mann er uvisst. Hallstein Torsteinsson som er medutferdar av brevet i 1346 har eit segl med eit våpenmerke.¹³²⁶

Øyvind Skjegg er rimelegvis far til Torstein Øyvindsson som sel jordparten i Kalhagen. Eg har heller ikkje funne noko meir om han.

Ingeleiv Torsteinsdotter opptrer også i dei tre påfølgjande sakene, og er dotter av Torstein Botolvsson (sjå nedanfor), som igjen truleg er ein bror av Eindride Botolvsson. Det fører henne inn i aristokratiet.

SAK 438: 13. desember 1346: Salsbrev med kvittering frå **Andor Bårdsson**: Han har selt 2 mælesleiger i ytre Kalhagen (Haf 54) på ytre Folk i Sogn til **Ingeleiv Torsteinsdotter** (sjå ovanfor), og fått betaling.¹³²⁷

Andor Bårdsson er ikkje kjent frå andre kjelder, og ein får heller ikkje særleg med informasjon ut av seglet hans som inneheld eit initialmerke,¹³²⁸ slik at det ikkje er mogleg å plassera han sosialt ut frå dette.



Figur 80. Seglet til Andor Bårdsson i 1346 (NoSigV, nr. 513)

SAK 439: 18. august 1348, Kvam i Hafslo: Vitnebrev frå Ivar Eiriksson, lensmann for prostedommet ved Apostelkyrkja i Bergen, og Arnfinn Eindridesson. Kom på stemne for dei **Torstein Botolvsson** og dottera

1324. DN I nr. 298; RN V nr. 883, feil datering til 12. oktober i DN.

1325. DN III, nr. 310; RN VI, nr. 656; *Shetland Documents 1195–1579*, nr. 11

1326. NoSigV, nr. 509: «Trækantet Skjold, delt efter Længden, i den første Halvdel en halv Lilie paa Delingen, i anden et Bomærke.»

1327. DN I nr. 301; RN V nr. 904.

1328. Eg er lite viljug til å operera med termen bondesegl som Trætteberg 1957b gjer, ettersom det er uråd å avgjera om det verkeleg er tale om ein bonde. Dessutan er det uklårt kva ein bonde eigentleg er. Det er i det heile ei nemning som er vanskeleg å bruka ut over at det er tale om ein som brukar og driv eit gardsbruk. Trætteberg er også klår over problema her, og peikar på dei i sin artikkel. Segl med initialmerke og/eller bokstavar er dessutan påviseleg også nytta av medlemmar av aristokratiet som til dømes hustru Brynhild Josefsdotter (sjå s. 324), og Eiliv Eilivsson av Naustdal-ætta (sjå s. 351).

hans **Ingeleiv** (sjå ovanfor). Ingeleiv førte vitner vedrørende dei gåver som **Eindrige Botolvsson** (sjå s. 318) hadde gjeve henne. Jon Einarsson og Ingebjørg Pålsson vitna at Eindrige gav henne ei skarlagenskápe, ei hette og eit ravperleband. Ingebjørg Pålsson og Ogmund Gautsson vitna at Eindrige gav henne 2 mmb i «Æpplaam» (Sog 14) i Stedje sokn i Sogn, på villkår at dei gjekk til hans arvingar når ho døydde, medan ho gav Eindrige 2 mmb i Jamnåkre (Ård 31) i Årdal skipreide dersom han overlevde henne.¹³²⁹

Torstein Botolvsson har eg berre funne nemnt i dette eine brevet. Han må ha vore ein bror av Eindrige Botolvsson, ettersom det er lite truleg at Eindrige skulle ha gjeve såpass gode gåver til fjerne slektningar. Han er også far til Ingeleiv slik det går fram av brevet.¹³³⁰

SAK 440: 25. mars 1349, Kvam i Hafslo: Vitnebrev frå Sigurd Andorsson, Fridrek Styrkársson og Helge Erlingsson. Dei var til stades då **Isak Erlingsson** lyste at han hadde selt 1 mmb i sin del av Lommeim (Haf 50) til **Ingeleiv Torsteinsdotter** (sjå ovanfor) for 4 ½ kyrlag og fått full betaling. Landskylda av jorda skal betalast halvt i korn og halvt i smør.¹³³¹

Isak Erlingsson er truleg son av den Erling som i 1332 sel noko jord i Lommeim (sjå s. 317). Han er rimelegvis identisk med den Isak Erlingsson som opptre i 1365 (sak 443). Noko som kan seia noko om den sosiale statusen hans, har eg likevel ikkje funne.

SAK 441: 11. mars 1359, [Kalhagen i Hafslo]: Provsbrev utferda av Erlend Olavsson og Olav Erlendsson: Dei var i Kalhagen, der Sigrid Torsteinsdotter, i ombod for **Botolv Eindriddesson** (sjå s. 237), førte vitne for herr Ogmund Finnssons ombodsmann, Josef Karlshovudsson. Bjørn Sigurdsson vitna under eid at den teigen som Helge Bårdsson slo då han budde på Beim, den låg til Kalhagen (Haf 54), og Botolv er eigar etter far sin.¹³³²

Botolv Eindriddesson er handsama på s. 237.

SAK 442: 30. oktober 1362, [Kaupanger i Sogn]: Vitnebrev utferda av Gunnar Eilivsson, Tore Jonsson, Rut Hallvardsson, Ivar Eilivsson og Tore Torsteinsson. Dei var til stades då **Erling Torkjellsson** handtokst med **Botolv Eindriddessons** (sjå s. 237) ombodsmann Torstein Kjetilsson, og avhenda til han 19 mmb i øvre Kvamme (Bor 20) i samsvar med kongens dom, og likeeins 3 mmb i same jorda. Om dei 3 mmb hadde **Eindrige Kvite** (sjå s. 312) på vegner

1329. DN III, nr. 260; RN V nr. 1072.

1330. Jf. Y. Nielsen 1880b, s. 43, som også reknar han for ein bror av Eindrige, men hevdar at han også er far til Hallstein Torsteinsson (sjå ovanfor under Torstein Øyvindsson), Gunnar Torsteinsson og Sigrid Torsteinsdotter. Eg ser derimot ikkje argument for at han er far til nokon av desse tre sistnemte.

1331. DN II, nr. 300; RN V nr. 1135.

1332. DN I, nr. 363; RN VI, nr. 559.

av **Birgit [Bårdsdotter]** (sjå s. 313), hustrua si, reist odelsøksmål mot **Arnfinn Eilivsson** (sjå s. 358). Etter dette skal ingen av partane koma trekkjande med brev eller vitne mot kvarandre. Torstein gav avkall på 22 års landskyld av jorda, med unnatak for 10 kyrlag og 1 hest som Erling skal ut med innan eitt år.¹³³³

Erling Torkjellsson har eg berre funne omtalt i denne eine saka, og det er for lite informasjon til at det er mogleg å identifisera han nærare.

SAK 443: [kort etter 1. november 1365]: Vitnebrev frå [.....] Erlendsson og Simon Sumarlideson. Dei var til stades då **Tore Guttormsson** [.....] og då **Margreta Olavsdotter** og hennar mann vedgjekk at **Isak Erlingsson** (sjå ovanfor) skal eiga 10 markebol(?)¹³³⁴ i «ysta tun» [.....] kyrkjesokn i Sogn.¹³³⁵

Kor vidt **Tore Guttormsson** har vore part i denne transaksjonen går ikkje fram av det vesle som kan lesast ut frå restane av dette brevet, men **Margreta Olavsdotter** ser absolutt ut til å ha vore det. Det har likevel ikkje lukkast i å finna ytterlegare informasjon om nokon av dei, slik at det ikkje har vore mogleg å identifisera dei sosialt.

SAK 444: 12. februar 1374: Kunngjering frå **Einar Hallvardsson**. Han har overlate til **Andres på Rikeim** («rifhæime») 20 såld korn av bispetienden frå Nes sokn og Ornes sokn mot at Andres gav han 20 såld korn som **Gudrid**, husfrue på Øvrabø, betalte til Andres for 1 mmb i Kvam (truleg Haf 43/45).¹³³⁶

Einar Hallvardsson er ut frå kontekst med jordinteresser (ordlyden i brevet kan tolkast i retning av odelsrett) i Kvam, og eit sosialt sjikt som anten rekrutterer ombodsmenn for biskopen eller har sterk nok økonomi til å stå bak tiendkjøp, kan det tenkjast at Einar er son til Hallvard Andresson frå 1329, og såleis ein soneson av Andres på Mara (sjå s. 312). Noko meir enn ei gissing vert det likevel ikkje. Det er i alle høve rimeleg å rekna Einar til eit elitesjikt.

Om **Andres på Rikeim** (Lær 8) er det ikkje råd å seia stort meir enn det som går fram av brevtteksten. Det same gjeld **Gudrid**, husfrue på Øvrabø. Om ein skal tolka husfruenemninga som ein hustrutittel er også uklårt.

1333. DN II, nr. 371; RN VI, nr. 866.

1334. Ein skulle venta månadsmatbol på Vestlandet.

1335. DN XXIII, nr. [38].

1336. DN XXI, nr. 149; RN VII, nr. 412. Datering etter RN; DN har 10. februar 1374.

SAK 445: 29. mars 1384, Kvam i Hafslø: Vitnebrev utferda av lagrettemennene Eindride Erlendsson og Guttorm Brandalvsson. Dei kunngjer at **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) er rett odelsmann til indre tunet i Kvam (Haf 43/45) på ytre Folk i Hafslø sokn i Sogn.¹³³⁷

SAK 446: 14. juli 1389: Gåvebrev frå **Brynhild Josefsdotter** til sitt frendebarn **Ragna Botolvsdotter** på 1 laupbol i Kalhagen i indre Folk i Hafslø sokn i Sogn (Haf 54).¹³³⁸

13. mars 1390, Vossevangen: Vitnebrev utferda av Nikolas Sigvatsson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen, og Gudbrand Torfinnsson. Dei var på Vangen på Voss den 20. juli [1389] då hustru **Brynhild Josefsdotter** gav til borna til **Botolv Eindridesson** (sjå s. 237) på Finne, **Håvard** (sjå s. 259), **Odd** (sjå s. 259) og **Ragna** all den rett som Brynhild hadde til arv etter **Sigrid, Torstein Skolles** dotter, dersom Sigrid skulle døy før Brynhild, med ein tredel til kvart av borna.¹³³⁹

Ragna Botolvsdotter er berre kjent frå denne eine saka, men kan klårt plasserast i aristokratiet saman med resten av slekta si.

Hustru **Brynhild Josefsdotter** er det vanleg å rekna som dotter av bergenslagmannen Josef Karlshovudsson. Ved sidan av denne saka er ho omtalt i ein passus i Aslak Bolts jordebok, der det under garden Ænes (Kvi 64) i Kvinnherad er sagt at erkestolen åtte heile eigeiendomen, som hustru Brynhild Josefsdotter og Holte Jonsson (sjå s. 390) selde helvta kvar av. Til Ænes låg det ei fiskeelv ved garden og ei anna i Mauranger som heiter Sunde, og ei øy som heiter Sild (Kvi 65), og der er det selfangst.¹³⁴⁰ Salet av Brynhilds halvpart i Ænes har nok også gått føre seg før ho gjekk inn som nonne i klosteret i Vadstena den 28. november 1389,¹³⁴¹ der ho også døydde vel fire år seinare den 27. april 1394.¹³⁴² Ut over dette er Brynhild Josefsdotter berre kjent frå eitt anna brev. Det er eit vitnebrev



Figur 81. Seglet til Brynhild Josefsdotter i 1389 (*NøSigV*, nr. 1136)

om jordsal utferda av fehirden Erlend Filippusson og to lagmenn, dagsett Bergen den 2. oktober 1388. Dei var til stades då hustru Brynhild Josefsdotter selde til Peter Nikolasson 13 markebol jord,

1337. *DN* I, nr. 488; *RN* VII, nr. 1166.

1338. *DN* I nr. 515; *RN* VII, nr. 1537, feildatert til 9. juni i *DN*.

1339. *DN* II, nr. 518; *RN* VII, nr. 1585.


1340. *ABJ*, s. 181; jf. *ABMunch*, s. 108.

1341. *Diarium Vadstenense*, s. 122, nr. 49:2: «Item, dominica prima adventus Domini intraverunt due sorores: Brynildir Iosepsdottir de Norvegia et Gyridh Gudhlefsdottir, que poste <a> vocata est Byrgitta».

1342. *Diarium Vadstenense*, s. 129, nr. 81: «Item, in profesto beati Vitalis martiris obiit soror Brynildis Norvegie nationis. Hec diu in viduitate steterat et multa bona clastro fecit».

nemleg 5 markebol i Såsen, 2 markebol i Fiskum, 4 markebol i Eik og 2 markebol i Røren. Alle gardane ligg i Haug sokn på Eiker i Vestfold.¹³⁴³ Her kjem det fram at ho altså åtte jord ikkje berre i Sogn og i Sunnhordland, men også på Vestfold. Hustrutittelen til Brynhild viser at ho tilhørte aristokratiet, men kven ho var gift med er uvisst.¹³⁴⁴

Sigrid, Torstein Skolles dotter, er truleg identisk med Sigrid Torsteinsdotter som i 1359 opptre i ombod for Botolv Eindridesson (sak 441). Det er ikkje beint fram sagt i denne saka at arven etter henne gjeld jordegods, men det er rimeleg å rekna med det. Ut over desse to breva kan eg ikkje sjå at ho er nemnt. Far hennar, **Torstein Skolle**, er nemnt første gong som vitne i ei sak om Ottum i 1319–1319 (sak 514), og er der kalla Torstein Skolle i Kaupanger. I 1333 er han medutferdar av eit vitnebrev på Kvåle i Sogndal (sak 464), og siste gong er han funne då han medutferdar vitnebrevet om skiftet etter Øystein Mugga i 1337 (sak 432).



Figur 82. Seglet til Torstein Skolle frå 1337 (*NoSigV*, nr. 335). Våpenmerket er ikkje ulikt det som merkesmannen Pål Eiriks-son fører (fig. 10 på s. 125).

Han må også reknast til aristokratiet, noko som også impliserer det same for dottera.

SAK 447: [8. september 1407–7. september 1408], [Hafslo]: Vitnebrev frå Peter, prest i Hafslo, og Kolbjørn Hallvardsson. Dei var til stades då **Eindride Botolvsson** selde til **Hallvard Gudbrandsson** 3 laupsbol i «biaxa tuni» i Solvorn i Sogn, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹³⁴⁵

Eindride Botolvsson er kjent frå denne og den følgjande saka. På s. 239 har eg argumentert for at han kan vera identisk med den Eindride Botolvsson som er son av Botolv Eindridesson. Tilhørsla til aristokratiet kviler likevel ikkje berre på dette. Eindride er truleg far til den **Botolv Eindridesson** som i 1463 sel garden Tolstad i Vågå, som han har arva etter si frenke fru Kristina Toraldesdotter (sjå s. 390), til velboren mann herr Alv Knutsson (sjå s. 284), riddar, og hans hustru fru Magnhild Oddsdotter (sjå s. 269), saman med det kvernberget som ligg nær garden. Han vedgår også å ha fått full betaling.¹³⁴⁶ Fru Kristina Toraldesdotter er mellom anna vermora til Holte Jonsson (sjå s. 390) som selde halve Ænes til erkestolen, truleg på vegne av kona si som igjen truleg var i slekt med hustru Brynhild Josefsdotter (sjå s. 324). Ut over dette er Botolv Eindridesson nemnt som nummer to av 13 lagrettemenn i Sogn i 1480.¹³⁴⁷

1343. *DN* III, nr. 481; *RN* VII, nr. 1467.

1344. Jf. Y. Nielsen 1880b, s. 46–48.

1345. *DN* XXI, nr. 248.

1346. *DN* I, nr. 864.

Hallvard Gudbrandsson har eg derimot ikkje funne nemnt i andre kjelder.¹³⁴⁸

SAK 448: 3. mai 1421, Øyra i Sogndal: Salsbrev frå **Eindride Botolvsson**. Han har selt til **Andres Olavsson** 15 laupsbol i Hausa (Sog 30) i Stedje kyrkjesokn i Sogndal, og fått full betaling.¹³⁴⁹

Andres Olavsson har eg ikkje funne i andre kjelder. Det kan likevel vera verd å merka seg at garden Hausa i tidleg nytid var i privat eige hjå ei ætt som leverte svært mange av lensmennene i Sogndal på 1600-talet.

1347. *DN XXIII*, nr. [106], brev dagsett Kaupanger kyrkjemessedagen 1480.

1348. Det opptrer på omlag same tid ein Hallvard Gudbrandsson som er jordeigar på Austlandet, men det er ingen grunn til å tru at det er same mann.

1349. *DN V* nr. 542.

4.14 Noreim og Sandvin i Kvam

Slektskrinsane kring dei to storgardane Noreim og Sandvin i Kvam i Hardanger, har vore handsama ekstensivt i den lokallhistoriske litteraturen. Ein av dei første var truleg sokneprest Olafsen som i sin artikkel frå 1908 gjorde greie for det kjeldetilfanget som då var kjent.¹³⁵⁰ Etter det kom det ikkje mykje nytt før 1949, då Lars Hamre publiserte sin artikkel saman med nye kjelder i *Norsk slekts-historisk tidsskrift*.¹³⁵¹ Etter Hamres arbeid har det, for å seia det med hans egne ord,¹³⁵² ikkje kome til noko særleg nytt om mellomalderætta, så vidt eg kan sjå. Heile ætta må reknast til aristokratiet.¹³⁵³ Eyvin Dahl har ein gjennomgang av tidlegare forskning i sin mildt sagt uoversiktlege artikkelserie om ættene på Byre, Sandvin og Spåneim i tidsskriftet *Ætt og Heim* på 1950-talet,¹³⁵⁴ men det greiaste oversynet over tidlegare forskning, som i hovudsak er slektshistorisk, finn ein i Odd Handegårds CD-bok frå 2004, *Vår felles slekts historie*.¹³⁵⁵

SAK 449: [1226–1254]: Brev om makeskifte frå Arne, biskop av Bergen. Han har skifta jord med **Peter unge**, mågen til Brynjulv i Aga, slik at Peter har fått Sandvin (Vikøy 11) i Hardanger som er på 25 mmb, med alle lunnende, mot at biskopen har fått Sakstad (Alv 18–19), Erstad (Alv 14) og Hopland (Alv 15) i Holsnøy, til saman 30 mmb. Makeskiftet var gjort med domkapitlets råd. Vitner var Åskjell biskop i Stavanger, Viljalm abbed, Marteinn kongsfrende, Eiliv kapellan, kanniken Tord, Svein årmann, Bjørn på Øystese, Brynjulv i Aga, Finn Berdorsson, hans bror Asbjørn på Hauso, Torstein i Kvalvik, Svein på Rykke, Ogmund på «rikæini», Dag Aslaksson, Jon i Vik, Nikolas «Gulluægr» og mange andre menn.¹³⁵⁶

Dateringa av dette brevet byggjer på det tidsrommet då begge biskopane fungerte samstundes, men ettersom dei tre vitna (Marteinn kongsfrende, Eiliv kapellan og Finn Berdorsson) ein også kjenner frå Håkon Håkonssons saga opptre alle i kongens tidlege år, kan dette tyda at brevet ikkje er mykje yngre enn 1230.¹³⁵⁷ **Peter Unge**, som truleg var gift med ei dotter av Brynjulv i Aga, er berre kjent frå dette eine brevet, men må nok reknast til aristokratiet på bakgrunn av slektstilhøva. Han er truleg den første av slekta på Sandvin. Tilnamnet unge føreset dessutan ein eldre Peter, men kven det kan

1350. Olafsen 1908.

1351. L. Hamre 1949.

1352. L. Hamre 1949, s. 98, om det som vart publisert etter Olafsens artikkel i 1908.

1353. Jf. L. Hamre 1949, s. 102.

1354. E. Dahl 1955, 1956b og 1957. Oversynet over den tidlegare forskinga finn ein i E. Dahl 1955, s. 35–41.


1355. Handegård 2004, kap. 13, s. 353–386.

1356. Schnabel, *Udkast til en Beskrivelse over Hardanger*, Bilag A; RNI, nr. 906

1357. RNI, nr. 906, note 1.

ha vore er uråd å seia. I det heile er namnet Peter påfallande mykje nytta i stormannsslektene i Hardanger på 1300-talet.¹³⁵⁸ Eg set nedanfor inn ei tavle som viser dei sannsynlege slektstilhøva.

Tavle 16. Kring Noreim og Sandvin i Kvam.¹³⁵⁹



1358. Jf. Ugulen 2004a, s. 49. I tillegg til dei fire-fem i området Hardanger og Voss, kjem lendmannen Peter Andreson, riddarane Peter av Edøy på Nordmøre, Peter Gudleiksson på Eide i Nordfjord, og den uidentifiserte mannen til fru Åsa på Tønjum i Lærdal, og fleire til.

1359. Etter L. Hamre 1949, s. 102 (argumentasjon for dei usikre lekkane) og 117, samt egne undersøkingar.

SAK 450: 20. februar 1306, Noreim i Kvam: Vitnebrev om skifte mellom **Ivar Guttormsson** og hans mågar **Peter** og **Sigurd**: Ivar fekk Noreim (Vikøy 31), og søstrene hans fekk Vines (Ull 112), Sekse (Ull 81–82, 84) og Ålvik (Vikøy 75/77). Men ettersom verdet av Noreim har auka sidan **Guttorm** overtok, skal Ivar gje søstrene verdet av 30 mark brent av den felles arven. Vidare fekk Ivar dei nedste husa i Espefjord (Ull 90?), Skutlaberg (Vikøy 27) og «Gæruinga sætr». Til gjengjeld gav Ivar søstrene av den jorda far hans hadde gjeve han då han gifta seg: 10 mmb i Alsåker (Ull 113–114), 5 mmb i Hesthammar (Ull 110), 5 mmb i Kjærland (Gra 118), 9 mmb i Tveit (Ull 150?) og ½ mmb i Tveit (Vikøy 9?). Desse gardane skal takserast til våren. Der skal også den jorda som søstrene fekk då dei gifta seg takserast, likeeins den Ivar fekk, nemleg Bu (Ull 129) og Tveit, samt Neseim (Ulv 78) og Hallaråker (Jon 48) som **Ingebjørg** fekk i klesverd.¹³⁶⁰

Guttorm på Noreim er berre kjent frå dette skiftet etter han, og det som går fram av det. På bakgrunn av kven døtrene hans vart gifte med, er det rimeleg å rekna han til aristokratiet.

Ivar Guttormsson er tvillaust den same som **Ivar på Noreim** som er nemnt i *BK*, der det er sagt at krossen [vel på Vikøy] eig 1 mmb i Aksnes og 2 kyr hjå Ivar på Noreim.¹³⁶¹ Kor vidt det er den same som i 1303 har kjøpt ein gard «Rygh» frå Sigurd Sigurdsson for 35 mark og 2 øyresbol er meir uvisst.¹³⁶² I 1304 er han mellom dei som er sagt å vera til stades i Øystese under vitnemål om setervegen til Skåleim.¹³⁶³ Han er der nemnt framfor Torleiv Presteson, som truleg var lensmann i Hardanger kring 1315.¹³⁶⁴ I 1317 er han underleg nok nemnt etter den same Torleiv, då han er mellom dei som utferdar eit brev i saka om nausttuftene på Sandvin.¹³⁶⁵ Dette er også siste gong er kan sjå at han er nemnt. Til liks med faren og søstrene må han reknast til aristokratiet.

1360. *DN* II, nr. 81; *RN* III, nr. 318

1361. *BK*, pag. 99a. Fritzner II, s. 352–353, s. v. «kross⁴» skriv (tilsynelatande etter W. F. K. Christie i *Urda* II, s. 160–180) at denne krossen stod på Aksnes og siterer «krossinn á Áksnesi», men det som står i handskriftet er «Itøm a krossenn i axnesi (...)». Ein kan dermed ikkje slutta at det stod ein kross på Aksnes, berre at krossen åtte (*á*) jord i Aksnes (*i Axnes*). Meir truleg er det at krossen stod ved kyrkjestaden på Vikøy. Denne opplysninga hjå Fritzner har diverre spreidd seg vidare til den lokalhistoriske litteraturen, jf. t.d. Olafsen 1921, s. 246. Jordegods og anna eigedom som låg til kross vart gjerne delt mellom kyrkja og presten på staden (Fritzner II, s. 352).

1362. *DN* XXI, nr. 6; *RN* III, nr. 145. Brevet finnest berre i avskrift i Langebeks Diplomatarium i DRA.

1363. *DN* I, nr. 102; *RN* III, nr. 172.

1364. Ugulen 2004a, s. 47.

1365. *DN* XXI, nr. 16; *RN* III, nr. 1014.



Figur 83. Seglet til Peter på Sandvin frå 1314 (NoSigV, nr. 68).

Peter er identisk med **Peter på Sandvin**, og var gift med **Ingebjørg Guttormsdotter**. Truleg er han ein etterkomar av Peter unge som er nemnt ovanfor. Olaf Olafsen påpeika i si tid at ettersom det er truleg at far og son hadde det same namnet i fleire generasjonar på Sandvin, er det uvisst om det her er tale om ein eller to forskjellige personar.¹³⁶⁶ Eg går likevel ut frå at Peter på Sandvin på byrjinga av 1300-talet berre er ein person. Peter er nemnt første gong i 1304 då han utferdar eit brev om setervegen til Skåleim.¹³⁶⁷ Han opptrer også i fleire av sakene nedanfor. I 1312 er han nemnt først mellom dei mennene som utferdar vitnebrevet om skiftet på Lekve i Ulvik (sjå kap. 4.15), og i 1314 er han i Bergen og medutferdar eit vitnebrev om jordsal (sjå s. 106).

Litt seinare same år er han medutferdar av vitmne- og takseringsbrevet på Øvrabø i Fjelberg (sjå kap. 4.21). Frå åra 1316–1324 har vi ei rad med dokument kring ein strid mellom Peter på Sandvin på den eine sida og Svein på Steine og slektningane hans på den andre, om retten til nokre nausttufte på Sandvin.¹³⁶⁸ Denne saka har eg ikkje handsama her.¹³⁶⁹ I 1329 er han til stades då Erlend prest på Øystese utferdar ei kunngjering om presterenta på Øystese.¹³⁷⁰ Han ser ut til framleis å vera i live i 1331 då døtrene hans inngår avtale om korleis dei skal skifta arven etter han (sjå sak 451), men dette er siste gongen eg kan sjå at han er omtalt i kjeldene. At han var gift med **Ingebjørg** er også sagt i skifteavtalen 1331. Ho er dessutan berre nemnt ved namn i denne saka forutan i 1331. Begge desse to må reknast til aristokratiet.

Sigurd, den andre mågen til Ivar Guttormsson, vert vanlegvis rekna å vera identisk med Sigurd Guttormsson på Torsnes i Jondal. Han og slekta han er handsama i kap. 4.20.

SAK 451: 14. januar 1331, Sandvin i Kvam: Vitnebrev frå Peter på Augastad og Gudbrand på Steine. Dei var til stades då døtrene til **Peter på Sandvin** og **Ingebjørg**, nemleg **Margreta**, **Brigida** og **Herborg**, med samtykke frå mennene deira, **Erling**, **Arnbjørn** [Eindrider-

1366. Olafsen 1921, s. 640.

1367. DN I, nr. 102; RN III, nr. 172.

1368. DN XI, nr. 7 og RN III, nr. 965 (1316); DN XXI, nr. 14 og RN III, nr. 975 (1315–1316); DN XXI, nr. 16 og RN III, nr. 1014 (1317); DN XXI, nr. 18 og RN III, nr. 1031 (1316–1317); DN VIII, nr. 69 og RN IV, nr. 94 (omlag 1320); DN I, nr. 166 og RN IV, nr. 155–157 (1322); DN XV, nr. 9 og RN IV, nr. 316 (1324). Særskilt det siste brevet inneheld eit utal opplysningar om slektstilhøva mellom dei forskjellige personane som har vitna for Steinemennene, og gjev eit interessant innsyn i slektsnettverka i ytre Hardanger på denne tida. Diverre er regesten i RN svært ufullstendig.

1369. Saka om nausttufte på Sandvin er mellom anna handsama i Kolltveit 1946 og Handegård 2004.


1370. DN XV, nr. 14; RN IV, nr. 665; BK, pag. 98b.

son?]¹³⁷¹ og **Nikolas**, gjorde avtale om arvedeling. Når ei av søstrene døydde før dei andre, skulle hennar born ha den arven etter Peter som deira mor skulle hatt, og om alle døtrene døydde før Peter, skulle borna etter kvar dotter ha det som mor deira ville fått.¹³⁷²

Truleg er døtrene rekna opp i same orden som det mennene deira er. Det medfører at **Margreta Petersdotter** er gift med **Erling**, at **Brigida Petersdotter** er gift med **Arnbjørn**, og at **Herborg Petersdotter** er gift med **Nikolas**.¹³⁷³ Korkje Margreta eller Brigida er nemnte i andre kjelder enn denne, men Herborg, eller snarare arven etter henne, er sentral i sak 456 nedanfor.

Erling Torleiksson var altså gift med Margreta. Han opptrer også i den følgjande saka.

Arnbjørn, som etter seglet hans, kan ha heitt **Arnbjørn Eindridesson**, er berre kjent frå denne saka. Den halve ørna i våpenmerket hans, samt Arnbjørn-namnet fekk Lars Hamre til å spekulera i om han kunne tilhøyra ætta på Byre (sjå kap. 4.19), men han fann ikkje noko anna som støtta opp under denne hypotesen.¹³⁷⁴



Figur 84. Jacob Langebeks teikningar av segla til Erling (t.v.) og Arnbjørn, mågane til Peter på Sandvin (DRA, HSS, Jakob Langebeks samlinger, XV, Segltegninger, pk. 11, gr. 33c, nr. 2 og 14). Dei er tidlegare prenta i L. Hamre 1949, s. 99 og 101.

Nikolas kjenner vi heller ikkje meir enn namnet på, dersom han då ikkje skulle vera identisk med den **Nikolas Olavsson** som opptrer i sak 455 nedanfor. I alle høve er han truleg far til den **Sunniva Nikolasdotter** som eg har handsama på s. 306.

SAK 452: 3. mai 1340, [Kvam i Hardanger?]: Salsbrev frå **Guttorm Ivarsson**. Han har selt 1 mmb i Skutlaberg (Vikøy 27) i Vikøy sokn til **Erling Torleiksson** for 3 kyr, med rett til innløysing.¹³⁷⁵

Guttorm Ivarsson er truleg ein son av Ivar Guttormsson på Noreim (sjå s. 329). På bakgrunn av det kan også han reknast til aristokratiet.

1371. L. Hamre 1949, s. 99
1372. DN XXI, nr. 46; RN IV, nr. 805
1373. L. Hamre 1949, s. 99.
1374. L. Hamre 1949, s. 99–100.
1375. DN IV, nr. 245; RN V nr. 317.

SAK 453: 2. oktober 1341, Berge i Strandebarm: Vitnebrev frå Sigurd Galte og Greip Toreson. Dei var same dag til stades då **Margreta Torbergsdotters** gods vart talt opp på **Ivar Erlingssons** gard på bryllaupsdagen deira. Det var 120 mark forngilde i klede, korn og husbunad, 10 øre i gullsaker og 5 ½ mark i forgylte sølvsaker, og 1 sølvskål til 12 øre. Av jordegods var det 15 mmb i Flatebø (Jon 18)¹³⁷⁶ i Hardanger, 13 ½ mmb i Aksnes (Vikøy 3–4), 12 ½ mmb i Sætveit (Jon 32), 3 mmb og 1 pundsbol i indre Ålvik (Vikøy 75/77), dessutan i Namdalsfylke 19 spann i Gansmo (Overhalla 34) og Kattmarka (Vemundvik 13). Ivar gav Margreta 8 mark gull i tilgåve, og dertil 8 mmb og 1 pundsbol i Sandvin (Vikøy 11) i Vikøy sokn. Av dette godset skal Margreta ta 120 mark og gje til kven ho vil. Besegla av utferdarane, Arnbjørn Torleiksson og Ivar Erlingsson.¹³⁷⁷

Margreta Torbergsdotter er berre nemnt i dette eine brevet. Den geografiske spreininga i jordegodset hennar er eit særstykke, ettersom det er tale om jord både i Hardanger og i Namdalen i Trøndelag. Patronymet hennar kan tyda på at det er far hennar som er trønder, ettersom Torberg er eit vanlegare namn der enn kva det er på Vestlandet.¹³⁷⁸

Ivar Erlingsson må vera son til Erling Torleiksson og Margreta Petersdotter som er handsama ovanfor. Ut over denne saka, opptrer han også i dei følgjande to sakene. Ut over det er han rimelegvis identisk med den Ivar Erlingsson som medutferdar eit brev i Bergen i 1346 om jordsal i Samland i Jondal (sjå sak 414), og er til stades når Torgeir Torsteinsson utferdar testamentet sitt i Bergen i 1349 (sjå sak 73). Om han også er identisk med sjelestovemannen av same namn (sjå sak 77) er meir tvilsamt, men det kan heller ikkje utelukkast heilt.

SAK 454: 3. juli 1347, Bergen: Vitnebrev frå Botolv Asbjørnsson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen, Håkon Torbjørnsson og Grim Jonsson. Dei var til stades då **Øyvind Torgeirsson** og **Sigrid**, kona hans, lyste at dei hadde selt 1 mmb i Nesthus (Vikøy 26) «j Fyrði» i Vikøy sokn i Hardanger til **Ivar Erlingsson** for 5 mark forngild, og fått full betaling.¹³⁷⁹

Øyvind Torgeirsson og kona hans, Sigrid, har eg berre funne nemnt i dette eine brevet, og dei let seg dermed ikkje identifisera nærare.

1376. Jf. Kolltveit 1953, s. 563.


1377. DN IV, nr. 253; RN V nr. 508

1378. Kruken og Stemshaug 1995, s. 283.

1379. DN IV, nr. 314; RN V nr. 942.

SAK 455: 8. mai 1348, Bergen: Vitnebrev frå Brynjulv Hugleiksson, kannik ved Kristkyrkja i Bergen, Pål Toresson og Helge Asbjørnsson, rådmenn same stad. Dei var til stades då **Nikolas Olavsson** selde 1 mmb i øvre Børve (Ull 78–79) i Ullensvang sokn i Hardanger til **Ivar Erlingsson** for 5 mark forngild, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹³⁸⁰

Nikolas Olavsson kan tenkjast å vera identisk med den Nikolas som er gift med Herborg Petersdotter. At dotter til Nikolas og Herborg var gift med lagmannen i Ryfylke er også interessant, då det i 1370-åra opptrer nettopp ein Nikolas Olavsson i Ryfylke. I motinnlegget frå kong Håkon til sjøbyanes motinnlegg til kongens tidlegare motinnlegg til klageskriftet frå sjøbyane (puh!), er mellom anna nemnt at Nikolas Olavssons gods [i Ryfylke] som vart brent eller ført bort, var verd meir enn 40 mark brent sølv.¹³⁸¹



Figur 85. Seglet til Nikolas Olavsson frå 1374 (*NoSigV*, nr. 893).

Motinnlegget er udatert, men skrive ein gong ikkje lenge etter 24.

juni 1370.¹³⁸² Siste gong eg har funne han nemnt er då han er på Foss i Hjelmeland den 4. januar 1374 og medutferdar vitnebrev om gåver mellom Jørund Arnesson og Gyrid Hallbjørnsdotter (sjå sak 308). Frå dette brevet har vi også overlevert seglet hans, og det inneheld eit våpenmerke som er svært likt det som er nytta av fleire av medlemmane i ætta på Byre (sjå kap. 4.19). Det fører han i det minste inn i det same sosiale sjiktet som Herborg Petersdotter var ein del av.

SAK 456: 18. februar 1391, Sandvin i Vikøy: Vitnebrev frå sira Benedikt Øysteinsson, prest i Vikøy, og Torfinn Kolsson. Dei var i setstova i Vikøy den 24. juni 1387, då **Bård Karlshovudsson** vedgjekk at han og **Bjarne Håkonsson** hadde gjort såttnål om arven og godset etter **Herborg Petersdotter** (sjå s. 331), slik at Sandvin (Vikøy 11) og det godset som Herborg åtte, skulle Bjarne eiga. Mot dette hadde Bjarne overlata den jorda som heiter Kaldestad (Vikøy 10) til Bård, forutan så mykje lausøyre at Bård vart nøgd.¹³⁸³

[8. september 1392–7. september 1393], [Sandvin i Vikøy]: Vitnebrev frå lagrettemenn i Vikøy. Dei var til stades i setstova på Sandvin då det vart gjort forlik mellom **Erling Håkonsson** og **Karlshovud Bårdsson**, i ombod for far sin **Bård Karlshovudsson**, hans mor **Magnhild** som var til stades, og hans bror **Svein [Bårdsson]** som var borte, om arven etter **Herborg Petersdotter**. Erling skal eiga så mykje i Sandvin (Vikøy 11) som Herborg åtte, medan Bård og

1380. *DN* IV, nr. 333; *RN* V nr. 1052.

1381. *NgL2* I, nr. 347, s. 618: «Item amisit Nicolaus Olavesson bona sua, que et combusta et asportata fuerunt, ultra XL marcas puri»; *RN* VII, nr. 46, s. 52.

1382. *RN* VII, nr. 43, note 1, og nr. 46.

1383. *DN* XXI, nr. 182; *RN* VIII, nr. 15.

sønene hans skal eiga så mykje som Erling åtte i Kaldestad (Vikøy 10) og indre Ålvik (Vikøy 77). Alt det lausøyret som var på Sandvin og som bror til Erling, **Bjarne Håkonsson**, ikkje hadde ført bort, skulle delast likt mellom partane. Erling skal eiga det lausøyret som han kunne få tak i etter sin bror Håkon [vel feil for Bjarne], som denne hadde ført bort frå Sandvin. Alt anna jordegods som Herborg åtte skal delast likt mellom partane.¹³⁸⁴

Bjarne Håkonsson og broren **Erling Håkonsson** er etter det eg har funne, berre nemnte i samtidige kjelder i dei to breva som utgjer denne saka. Den sosiale identifikasjonen av dei kviler dermed på slektstilhøva deira åleine utan at det er problematisk i dette tilfellet.

Bård Karlshovudsson er, ved sidan av denne saka, omtalt i eit brev frå 1439 saman med kona si, som vi då får vita heitte **Magnhild Arnvidsdotter**. Begge må då vera døde, for Andres Karlshovudsson krev då sin farbror Svein Bårdsson for noko laust gods som var uskifta etter Bård Karlshovudsson og Magnhild Arnvidsdotter, men Svein nekta å gje dette frå seg utan etter lagmannsdom. Andres stemna då Svein for lagmannen.¹³⁸⁵ Andres må vera son til **Karlshovud Bårdsson** som berre er kjent frå denne saka.

Svein Bårdsson er, forutan i denne saka og brevet frå 1439, part i sak 458 nedanfor, der han avstår noko jord Espe i Ullensvang til Hartvig Krummedike i sakøyre for søstersonen sin, Bård Sigurdsson.

SAK 457: 1436, [Vikøy]: Vitnebrev frå Viking Ivarsson, prest i Vikøy, og lagrettemenn. Dei var til stades då **Håkon Erlingsson** og **Solve Olavsson** gjorde jordeskiye. Håkon fekk for seg og brørne sine så mykje som Solve åtte i Sandvin (Vikøy 11) i Vikøy kyrkjesokn, og Solve fekk så mykje som Håkon åtte i Aksnes (Vikøy 3–4) i same sokn, samt 3 kyrlag på kjøpet. Solve fekk vidare så mykje som Håkon åtte i ytre Ålvik (Vikøy 75) mot å gje Håkon 2 mmb i øvre Børve (Ull 79) og 2 mmb i nedste Sekse (Ull 81) i Ullensvang sokn. Vidare kjøpte Håkon av Solve Olavsson 1 laup og 1 pundsbol i Kaldestad (Vikøy 10) i Vikøy sokn, 1 pundsbol i Skeie (Vikøy 21), ½ mmb i Fjord (Vikøy 26), 1 mmb og 1 pundsbol i Jødne («genne») (Vikøy 38), 1 pundsbol i Mo (vel Vikøy 41, evt. 12), 1 pundsbol i Berge (Vikøy 53) i Øystese sokn, 3 mmb i indre Alsåker (Ull 113), 1 mmb i Årekvåle (Ull 99), 1 mmb og 1 spansbol i Hauso (Ull 98) og 1 mmb i Røyrvik (Strb 71) i Strandebarm, for 24 kyrlag. Solve vedgjekk å ha fått full betaling.¹³⁸⁶

1384. DN XXI, nr. 189; RN VIII, nr. 254, datering etter RN.

1385. DN XXI, nr. 375; ei omsetjing er trykt i Kolltveit 1933, s. 39–40.

1386. DN XXI, nr. 358.

Håkon Erlingsson er son til Erling Håkonsson som er handsama ovanfor. Korkje han eller **Solve Olavsson** har det likevel lukkast å finna meir informasjon om. Håkon kan identifiserast sosialt ut frå det sjiktet som slekta hans var ein del av. Solve kan ikkje det, men ut frå dette brevet finn vi at han eig så mykje jordegods at han minst må reknast til ein lokal elite.

SAK 458: 22. juli 1446, Noreim i Vikøy: Vitnebrev frå Håvard Jonsson, Isaksson, Jon Guttormsson, Øyolv Sigurdsson, [Sigur]d Olavsson og Amund Geir....., lagrettemenn i Hardanger. Dei var til stades på Noreim då **Svein Bårdsson** avstod til herr **Hartvig Krummedike**, riddar, 5 ½ mmb i Espe (Ull 90) i Ullensvang sokn i Hardanger, i sakøyre for sin søsterson **Bård Sigurdsson**.¹³⁸⁷

Svein Bårdsson er handsama ovanfor, medan **Hartvig Krummedike** og **Bård Sigurdsson** er handsama seinare (sjå kap. 4.20 for Torsnes-ætta, og kap. 4.52 for Krummedike).

SAK 459: [1. juni 1478], [Kinsarvik] (1): Vitnebrev frå Silfest Vikingsson og Erlend Eiriksson, lagrettemenn i Hardanger. Dei var til stades i nærvære av kongens ombodsmann etter oppmoding frå Orm Ivarsson, då det vart vitna av nokre personar at korkje dei sjølv eller deira foreldre, som budde i Kvam, og saman med dei hugsa 80 år attende, hadde høyrte nokon kjæra på oppsitjarane sin eigedomsrett til Sandvin (Vikøy 11) i Vikøy sokn, og at garden hadde gått i arv frå far til son i fire generasjonar, nemleg at **Erling** arva far sin **Håkon**, Håkon arva far sin **Erling**, og Erling arva far sin **Håkon**.¹³⁸⁸

[1. juni 1478], [Kinsarvik] (2): Vitnebrev frå lagrettemenn i Hardanger. Dei kunngjer vitneprov frå nokre personar, i nærvære av kongens ombodsmann, etter oppmoding frå Orm Ivarsson, om at korkje dei sjølv, som er 60 år gamle, eller deira fedre hadde høyrte nokon kjæra på oppsitjarane sin eigedomsrett til Sandvin (Vikøy 11). Desse mennene hadde fulgt Sandvin: **Bjarne** og **Erling Håkonssøner**, **Håkon Erlingsson** og **Erling Håkonsson**.¹³⁸⁹

Erling Håkonsson («den yngre») er berre kjent frå desse to ættleggsbrev, forutan det endelege arveoppgeret i 1494 (sjå sak 487) som er medteke under Torsnes. Han er truleg alt no død, ettersom Orm Ivarsson, som oppmodar om vitneprova, tilhøyrer slekta på Lydvo på Voss (sjå tavle 14 på s. 294) og er gift med Gyrid Bårdsdotter frå Torsnes (sjå s. 371), som igjen er ein av arvingane etter Erling Håkonsson.

1387. DN V nr. 738.

1388. DN XXI, nr. 579.


1389. DN XXI, nr. 580.

4.15 Kring Lekve i Ulvik

SAK 460: 9. mai 1312, Lekve i Ulvik: Vitnebrev frå Peter på Sandvin, Bård Petersson, Peter Petersson, Svein Øyolvsson, Arne Olvesson og Peter Pålsson: **Brynjulv, Ogmund** og **Gudleik Aslakssøner** på den eine sida, og **Bård den eldre, Pål, Bård den yngre, Ogmund** og **Aslak Olavssøner**, på den andre sida, skifta odelen på Lekve (Ulv 49–50) etter sin farbror **Dag**. Olavssønene fekk den delen av Lekve som Dag ikkje hadde ått. Mot dette legg ein Dags del av nausttomta utanfor naustet hans samt heile «Elretveit»,¹³⁹⁰ og meir til. Dette reduserte leidangsplikta for den delen av Lekve som Olavssønene før hadde hatt med 4 ½ mmb, For dei forbetringane som Aslakssønene og far deira hadde gjort på Lekve skal Olavssønene betala 13 kyrlag med unntak for eit hus som Ogmund Aslaksson skal ha, og flytta før krossmesse. Og dei 6 mmb som Aslakssønene no eig i Lekve skal Olavssønene innløysa for 2 mark brent og 7 øre for kvart mmb. Olavssønene skal også fjerna alle hus dei har på Dags del. Dei skal ha den luten i Saue (Voss 64) på Voss som far deira hadde. Kлага over at Byrseim (Ulv 63), Lidheim (no ein part av Spåneim)¹³⁹¹ og Lindebrekke (Ulv 64) var skøytt bort, skal ikkje fremjast.¹³⁹²

Ein av dei to Olavssønene med namnet Bård, er, men bakgrunn i namnelikskap, kronologi og eigedom, truleg identisk med den **Bård på Ljono** i Ulvik som etter Bergens Kalvskinn gav 3 mmb i nedre Lekve til kyrkja i Ulvik for 54 laupar (sjå sak 231).¹³⁹³ Bård på Ljono opptretr også som brevutferdar i 1314, saman med mellom anna ein **Ogmund på Lekve** som anten må vera broren eller brødrungen,¹³⁹⁴ truleg det siste ettersom 1312-brevet kan gje inntrykk av at Ogmund Aslaksson bur på Lekve.

Tavle 17. Kring Lekve i Ulvik.



1390. Visstnok ein flate ovanfor garden Lekve, jf. Kolltveit 1977, bd. 1, s. 232, note 1.

1391. Kolltveit 1977, bd. 1, s. 232, note 2.

1392. DN II, nr. 112; RN III, nr. 763

1393. BK, pag. 95a.

1394. DN XXI, nr. 13.

Dette skiftet er interessant også som eksempel på korleis noko som *kan* ha vore ei relativt stor jordegodssamling kan krympa inn til mange relativt små i løpet av to generasjonar. Utgangspunktet er det elles ukjende ekteparet som var foreldre til Aslak, Dag og Olav (samt potensielt også døtrer, men dei må ha vore døde før Dag, og deira eventuelle etterslekt er ikkje nemnte i brevet 1312 ettersom brorsøner kjem framfor søstersøner i arvetalet etter Landslova),¹³⁹⁵ som igjen sørga for at talet på mannlege arvingar i tredje generasjon var heile åtte.¹³⁹⁶

Ettersom det er mogleg å plassera den eine **Bård Olavsson** på garden Ljono i Ulvik, er det heller ikkje urimeleg å rekna med at **Aslak Olavsson** er identisk med ein **Aslak på Ljono** som opptreer første gong i Bergen i 1309, og er då mellom utferdarane av eit vitnebrev om eit forlik mellom fru Ingebjørg på Fet og biskop Kjetil av Stavanger. Han opptreer der i eit aristokratisk miljø.¹³⁹⁷ Dei neste tre gongene han er nemnt i kjeldene, opptreer han også i krinsen rundt Stavangerbiskopen, og alle tre breva er utferda i Stavanger. I 1313 er han mellom dei som vitnar ei kunngjering om provent frå biskop Kjetil.¹³⁹⁸ I 1317 er han mellom dei som sigillerer eit vitnebrev om Stavangerbiskopens bruk av innløysingsrett,¹³⁹⁹ og siste gongen han er nemnt er mellom utferdarane av eit vitnebrev om sal av eit skip som biskop Håkon hadde gjeve til kannikane i Stavanger i sitt testamente.¹⁴⁰⁰ Frå dette brevet har ein også overlevert seglet hans, men diverre er det såpass øydelagt at det er uråd å få noko ut av omskrifta, og sjølv seglmerket er vanskeleg å tolka. Det ser likevel ut til at det har inneheldt eit våpenmerke. Ved alle desse høva opptreer Aslak på Ljono i eit miljø som inkluderer fleire identifiserbare hirdmenn, og i 1322 sigillerer han til dømes framfor ein Torkjell Koll, som kan ha vore ein bror til Jon Koll som opptreer i brev frå same tid.¹⁴⁰¹ Dette medfører at ein med ei rimeleg grad av sannsynlegdom kan rekna Aslak på Ljono til aristokratiet.

Ei koplinga mellom Ulvik og Stavangerområdet finn ein gjennom slektskapet mellom stormennene på Spåneim i Ulvik og Byre i Ryfylke. Interessant er det dermed også å merka seg at den som i eit brev frå 1324 er omtalt som herr Peter Petersson (av Spåneim-ætta, sjå kap. 4.19) sin lens-



Figur 86. Teikning av seglet til Aslak på Ljono frå 1322 (*NøSjigV*, nr. 113).

1395. *NGL* II, s. 81–82; *MLL*, s. 83.

1396. Igjen med atterhaldet om moglege søstrer av arvingane i 1312-brevet, då brordøtrer ikkje tek arv dersom brorsøner er til (*NGL* II, s. 81; *MLL*, s. 83). Jf. Spangen 1950.

1397. *DN* IV, nr. 82.

1398. *DN* II, nr. 115.

1399. *DN* IV, nr. 120.

1400. *DN* IV, nr. 152.

1401. Jf. t. d. Steinnes 1925, s. 6.

mann i Hardanger, var **Ogmund Unge Olavsson**.¹⁴⁰² Han opptretr også som lensmann i Hardanger i eit brev frå 1329.¹⁴⁰³ Dersom dette er same mann som den Ogmund Olavsson vi møter mellom arvingane etter Dag på Lekve i 1312, kan ein her sjå konturane av ei ætt i Ulvik som kan ha stått i eit klienttilhøve til stormannsætta på Spåneim og Byre. Dette vil vera med å forklåra kvifor Aslak på Ljono opptretr i Stavangerområdet, og i 1330 opptretr nettopp ein Ogmund Olavsson i Stavanger mellom vitna då Peter Petersson på Spåneim selde odelen sin i Byre og Sandanger i Fister i Ryfylke til brødrungen sin Arnbjørn Ogmundsson på Byre.¹⁴⁰⁴ Han er tvillaust identisk med Hardangerlensmannen. Ut frå dette meiner eg det er rimeleg trygt å rekna heile denne ættekrinsen rundt Lekve til aristokratiet.

1402. *DN XV*, nr. 9.

1403. *DN III*, nr. 153.

1404. *DN VI*, nr. 134.

4.16 Kvåle i Sogndal

Den truleg viktigaste kjelda til lendmannsætta på Kvåle i Sogndal, er skiftet på Kvåle i 1314.¹⁴⁰⁵ Skiftet er handsama av mange opp gjennom tidene, men dei fleste har mistolka ættesamanhengen i skiftebrevet.¹⁴⁰⁶ Eg set her inn ei tavle som viser slektstillhøva slik eg meiner dei må ha vore.

Tavle 18. Kvåle i Sogndal

Jon Stål, lendmann, n. 1201–1225			
Brynjulv Jonsson, lendmann og baron n. 1235–1273			
Jon Brynjulvsson, ridдар og baron, n. 1280–1295 ?~ fru Ragnhild i Eggja, n. i BK	Ingrid Brynjulvsdotter på Kvåle, † 1314 ¹ ~ Jon Finnsson (Mel-ætta) n. 1281–1288, riddar ² ~ Eirik Stilk, † før 1314	Margreta Brynjulvsdotter, n. 1314 ~ Nikolas Stigsson, n. 1314	NN Brynjulvsdotter, ~ Sigurd Sveinsson på Kvåle, riddar, n. 1314–1324
Brynjulv unge [Jonsson], n. i BK, † før 1314	⁽¹⁾ Ingebjørg Jonsdotter, n. 1314–1329 ¹ ~ Gaute Isaksson (Falgje-ætta) n. 1313–1322, riddar ^{?2} ~ Hallvard av Nærland, n. 1322–1327, riddar	⁽²⁾ jomfru Inga, n. 1314	Svein Sigurdsson, n. 1314–1333, fehirde i Bergen, † seinast 1332 ~ ¹ Herdis Torvalds- dotter, n. 1332–1364, † 1363

SAK 461: 5. mars 1314, Bergen: Instruks frå kong Håkon [Magnusson] til herr Audun på Slinde, Karlshovud i Kaupanger og Erlend Silfestsson. Etter oppmoding frå herr **Sigurd Sveinsson** på vegne av sonen sin, **Svein**, ber kongen mottakarane om å skifta hus og tomtar på Kvåle (Sog 23) i Sogndal mellom herr Sigurd på vegne av Svein, son hans, fru **Ingrid på Kvåle**, og **Nikolas Stigsson** på vegne av **Margreta**, kona si.¹⁴⁰⁷


21. mai 1314, Kvåle i Sogndal: Rapport frå dei kongeleg oppnemnte ombodsmennene Audun på Slinde og Karlshovud i Kaupanger til kong Håkon om skifte av husa på Kvåle i Sogndal. Til å virka saman med seg oppnemnte dei sira Arne, prest på Stedje, sira Arnald, prest på Kvåle,

1405. DN VI, nr. 84; RN III, nr. 895. Jf. dessutan DN VI, nr. 83.

1406. P. A. Munch 1862, s. 400–401; Y. Nielsen 1880b, s. 52–53; Raunehaug 1915; G. F. Heiberg 1929; Espeland 1929. I eit seinare arbeid (Espeland 1939) har Anton Espeland innsett at P. A. Munchs tavler ikkje kan vera rette, og legg fram ei revidert tavle over ætta, medan bygdeboka (Øye 1986, s. 367–368; jf. dessutan Øye 2006, s. 89, der dei same opplysningane ser ut til å gå igjen) ser ut til framleis å byggja på P. A. Munch.

1407. DN VI, nr. 83; RN III, nr. 887; jf. også omsetjing i G. F. Heiberg 1929, s. 55.

Torgeir Bjarnesson [på Stedje], Narve på Skjeldestad og Torstein på Hausa. Partane var herr **Sigurd Sveinsson**, på vegne av sin son **Svein, Gaute Isaksson** som ombodsmann for arvingane etter fru **Ingrid Brynjulvsdotter** som no var død, nemleg Gautes kone fru **Ingebjörg [Jonsdotter]** og søstera hennar, jomfru **Inga Eirik Stilks [dotter]**. Den tredje parten, **Nikolas Stigsson** og hans kone **Margreta**, møtte ikkje, men Einar Klerk og Toralde «dette» vitna at dei var lovleg stemnt av dei andre to partane, fru Ingrid og herr Sigurd. Etcetera (alt vart delt i tre like store delar, og fordelt på arvingane).¹⁴⁰⁸



Figur 87. Våpenmerket til Jon Brynjulvsson frå seglet hans i 1287 i Hallvard Trættebergs avteikning (Trætteberg 1967, s. 48). Seglet finnest i ei avteikning gjort av Folkmar Danchel kring 1700, og er publisert i dårleg attgjeving i Vigerust 2000, s. 11.

Alle dei involverte i dette skiftebrevet tilhøyrrer toppsjiktet i det norske aristokratiet. Jonas Andersson skreiv i 1626 at det låg ei gammal steinkiste på Kvåle, som det vart fortalt at det før hadde lagt ein stor kvit stein over, der det var skriva «att der vnder huiltre tredie mand ifra Hellig Kong Haagen».¹⁴⁰⁹ Kven dette kan ha vore er vanskeleg å seia, men det illustrerer godt den høge sosiale statusen.¹⁴¹⁰ Ettersom husa på Kvåle i 1314 vert delt i tre like store delar, er det mest trulege at hovudarvingane var tre søstres. Arvelataren er ikkje nemnt i brevet, men det er sannsynleg at det er tale om ein **Brynjulv unge** som er nemnt i *BK* då ei **Ragnhild** gjev 1 [mmb] i Sigriddjord i Nes (Sog 11) til presten på Ylmeim for sjela til Brynjulv Unge. Denne Ragnhild er tvillaust identisk med den fru Ragnhild som i *BK* også er sagt å ha gjeve presten på Ylmeim

2 ½ mmb og 1 spansleige (det er ikkje sagt kvar, men truleg er også dette i Nes) for si eiga sjel, og kyrkja tek helvta. Ho er også sagt å ha gjeve «skettings þridia» i Eggjane (Lei 8) i Hamre kyrkjesokn til kyrkja på Ylmeim, og presten tek helvta.¹⁴¹¹ Ut frå fruetittelen har Ragnhild vore gift med ein kvan som minst hadde riddarrang, og ettersom Brynjulv-namnet er nytta i slekta på Kvåle er det rimelegvis tale om baronen **Jon Brynjulvsson** på Kvåle, som er nemnt i tida 1280–1295.¹⁴¹² Arvingane etter Brynjulv unge er rimelegvis farsøstrene hans, ettersom det er det som gjev den mest truverdige kronologien. Dei må alle tre ha vore i live når Brynjulv døydde.

1408. *DN* VI, nr. 84; *RN* III, nr. 895; jf. også omsetjing i G. F. Heiberg 1929, s. 55–56.


1409. *Jonas Andersson frå Skånevik om fornminne i Bergen bispedomme 1626*, fol. 19v.

1410. Espeland 1929, s. 61, reknar med at det må ha vore Håkon Jonsson av ætta på Sørum

1411. *BKMunch*, s. 36–37; *BK*, pag. 33a–34a.

1412. *DN* III, nr. 20 og *RN* II, nr. 255 (1280); *DN* III, nr. 24 og *RN* II, nr. 469 (1287); *DD* 2. række IV, nr. 184 og *RN* II, nr. 790 (1295); «*Árna saga biskups*», s. 133, 190 og 199–200.

Herr **Sigurd Sveinsson** kan eg ikkje sjå at er nemnt i kjeldene før i denne saka, men han må då vera godt oppe i åra. I 1321 er han medutferdar av eit domsbrev på Gulatinget (sak 520), og i 1324 utferdar han ei innberetning om forlik (sak 514). Etter dette har eg ikkje funne han nemnt i samtidige kjelder. Han er nok også identisk med herr Sigurd på Kvåle som er nemnt i *BK*. Der er kyrkja i Solvorn (i Hafslo) sagt å eiga 9 kyr på leigestader, samt at den skal henta ei hjå herr Sigurd på Kvåle.¹⁴¹³ Etter alt å døma må han ha vore gift med ei søster av Jon Brynjulvsson.



Figur 88. Seglet til Sigurd Sveinsson frå 1321 (*NoSigV*, nr. 108). Fotografi av seglet finnest i Øye 1986, s. 367.

Svein Sigurdsson er sonen til herr Sigurd Sveinsson ovanfor. Også han er nemnt første gong i denne saka. Etter dette har eg ikkje funne han omtalt før i 1328, då han er fehirde i Bergen, eit ombod han opptrer i fleire gonger i 1328 og 1329.¹⁴¹⁴ Siste gong eg kan sjå at han er nemnt i live er i 1330 (sak 462), og han er død seinast 1332 då det er tale om arven etter han (sak 463). I sak 464 nedanfor kjem det fram at han og Erling Vidkunsson var frendar, eit frendskap som truleg må ha gått gjennom Ståreim-ætta (jf. sak 462).

Fru **Ingrid Brynjulvsdotter** på Kvåle er berre kjent frå denne saka, og det ser ut til at ho er rekna med å vera i live den 5. mars 1314, men den 21. mai same år er ho sagt å vera død. Ho har vore gift minst to gonger, første gong med ein Jon, rimelegvis Jon Finnsson av ætta på Mel, og andre gong med ein Eirik Stilk.¹⁴¹⁵ **Gaute Isaksson** tilhøyrrer ætta på Talgie i Ryfylke, og er handsama i kap. 4.28. Han var gift med fru **Ingebjørg Jonsdotter**,¹⁴¹⁶ som er dotter av fru Ingrid Brynjulvsdotter og den første mannen hennar. Jomfru **Inga, Eirik Stilks**, er berre kjent frå denne saka, og er rimelegvis dotter av fru Ingrid Brynjulvsdotter i eit ekteskap med ein elles ukjend Eirik Stilk.¹⁴¹⁷

Nikolas Stigsson og kona hans, **Margreta**, er også berre kjende frå denne saka. Margreta må også vera ei søster av Jon Brynjulvsson, medan Nikolas truleg er son av den fredlause danske ridaren Stig Nielsen som er mellom dei som får vernebrev av kong Eirik og hertug Håkon i 1287.¹⁴¹⁸

1413. *BKMunch*, s. 41; *BK*, pag. 38a.

1414. *DN VII*, nr. 123 (1328); *DN II*, nr. 165 (1328); *DN IV*, nr. 184 (1329); *DN XV*, nr. 13 (1329); *DN II*, nr. 169 (1329).

1415. Ugulen 2004b, s. 294–295.

1416. Om henne, sjå Ugulen 2004b, s. 295–297.

1417. Truleg ein etterkomar etter Eirik Stilk som var systemann på Romerike og lendmann, og kjent frå åra 1235–1240. Jf. *HHVigf*, kap. 181, 187 og 217; G. Storm 1884a, s. 177.

1418. *DN III*, nr. 24; *RN II*, nr. 469.

SAK 462: 1. januar 1330, Tunsberg: Gåvebrev frå **Svein Sigurdsson**: Han gjev herr **Erling Vidkunns**son (sjå s. 349), kongens drottsete i Noreg, følgjande jordegods med skog og alle lunder: Først tredjeparten av Kvåle i Sogndal (Sog 23), 40 mmb, med eit mannsverk eng som heiter «Myklæikra», 60 kyrlag, 4 hestar, ymse lausøyre, ein part i mølla i fossen, og elles alt som seinare måtte tilfalla han i Kvåle. Så 6 mmb i Valeberg (Sog 91), «er af gangha» 3 tønner tjøre og 2 månadsmatlag korn. Gåva skuldast den frendskap og godvilje som herr Erling alltid har vist Svein. Når Erling er død skal gåva tilfalla hans dotter **Gyrid**, på grunn av den godvilje som hans mor Gyrid [Andresdotter] viste Svein i hans barndom.¹⁴¹⁹

Svein Sigurdsson er handsama ovanfor, medan **Erling Vidkunns**son og slekta hans er omtalt i neste kapittel.

SAK 463: 11. september 1332, i Bergen: Vitnebrev om stadfesting av forlik frå Hauk Erlends-son, Guttorm Helgesson, Kjetil Torlaksson, Henrik Einarsson, kannik ved Apostelkyrkja, Bjarne Onundsson, gulatingslagmann, Håkon Guttormsson og Ivar Oma: Dei var til stades då **Herdis Torvaldsdotter** og hennar ombodsmann Trond Krakesson på den eine sida, og på den andre sida **Sigrid Sveinsdotter** og sønene hennar **Gudbrand** og **Svein**, vart forlikte om arven etter **Svein Sigurdsson**, Herdis sin husbonde. Herdis skal mellom anna ha til saman 33 mmb i Stadeim (Vik 5), til saman 15 mmb i «Lodum» (vel Haf 52), og 20 kyrlag. Vidare skal ho ha landskylda av Henjane (Lei 17) og 26 laup i Husabø (Lei 12) – det som herr Erling Vidkunns son hadde gjeve Svein – og ho skal behalda ei gullnål som ho hadde kjøpt for noko jordegods på Hjalmland som Svein gav henne. Derimot gjev ho mellom anna avkall på 10 andre mmb i «Lodum», som ho hadde fått av Svein.¹⁴²⁰

Bakpå brevet står det med yngre hand: «kaupha bref herra Sigurdar Hafporessonar».

Herdis Torvaldsdotter var dotter av riddaren Torvald Toresson (n. 1289–1330), systemann på Hjalmland, og Ragnid Jonsdotter av Sørum-ætta på Romerike. Ho er framleis i live i 1363, men død i 1364.¹⁴²¹ P. A. Munch skreiv at ho var gift andre gong med Bjarne Erlingsson den yngre av ætta på Bjarkøy og Giske,¹⁴²² ei opplysning som har vorte ståande i seinare litteratur.¹⁴²³ Dette vart avvist av Edvard Bull.¹⁴²⁴ Ettersom Herdis framleis var i live i 1360, og Bjarne Erlingsson i 1339 er sagt å verta gift med ei Rikisa, ein slektning av kong Magnus,¹⁴²⁵ er eit slikt ekteskap vanskeleg

1419. *DN I* nr. 207; *RN IV*, nr. 720.

1420. *DN I* nr. 220; *RN IV*, nr. 897.

1421. Jf. t. d. Øye 2001 og K. Helle 2005.

1422. P. A. Munch 1862, tavle 4 [på s. 953].

1423. T. d. Hedem 1953, s. 110. Langekiehl 1991, s. 54, hevdar at ho var gift med Erling Einarsson i Hildugard, men heller ikkje det kan vera rett.

1424. E. Bull 1923, s. 554. Korkje C. C. A. Lange 1850, s. 60–61, eller Kvalsund 1957 s. 314, har med eit slikt ekteskap.

å forklåra. Umogleg er det likevel ikkje at Herdis og Bjarne vart gifte seinare,¹⁴²⁶ men Herdis kan i alle høve ikkje ha vore den første kona til Bjarne Erlingsson slik Hedem meinte.¹⁴²⁷ Den yngre påskrifta bakpå dette brevet indikerer vel at desse jordene seinare er kjøpte av herr Sigurd Havtoreson av Sørum-ætta, som var søskenbarnet til Herdis (jf. tavle 20 på s. 345).

Sigrid Sveinsdotter og sønene hennar **Gudbrand** og **Svein** er tydeleg arvingane til Svein Sigurdsson.¹⁴²⁸ Den enklaste løysinga på dette er at Sigrid er søster til herr Sigurd Sveinsson. Noko meir enn det som kjem fram i denne og neste sak, har eg ikkje funne om desse tre, men dei kan reknast til aristokratiet på bakgrunn av slektstilhøva sine.

SAK 464: 17. oktober 1333, Kvåle i Sogndal: Vitnebrev om gåve frå Tore Fridreksson prest på Stedje, Jon Toresson prest på Kvåle, Torstein Skolle, Narve Torlaksson, Øyvind Olavsson, Jon «smiorslaga» og Torstein Sigmundsson. Dei var same dag på Kvåle der herr **Erling Vidkunsson** (sjå s. 349) bad **Sigrid Sveinsdotter** om den gáva som frenden hans, **Svein Sigurdsson** (sjå s. 341), hadde gjeve til han. Sigrid ville gjerne ha Erlings fortsette venskap og gav han tredjeparten av Kvåle og alt det andre som Svein hadde gjeve til han i gåvebrevet sitt.¹⁴²⁹

Alle dei involverte i denne saka er handsama andre stader.

1425. *LA*, s. 351.

1426. Øye 2001.

1427. Hedem 1953, s. 114.


1428. Herdis arva ikkje mannen sin slik det vert framsett i Øye 2001. Godset ho får i dette brevet må vera tilgåva hennar, samt kompensasjon for medgifta. Ei tilgåve ville ikkje falla attende til arvingane etter mannen hennar. Jf. *MLL*, s. 101; R. Frimannslund 1959 og 1966; G. Sandvik 1976.

1429. *DN I*, nr. 225; *RN IV*, nr. 1010.

4.17 Giske, Bjarkøy, Sørums, samt Naustdal

Den første som gjorde eit grundig arbeid med dette ættekomplekset var Christian C. A. Lange.¹⁴³⁰ Langes avhandling er framleis god, men på ein del punkt er den forelda. Sidan den gong har det vore skrive svært mykje om ættene på Giske og Bjarkøy, ikkje minst i den lokallhistoriske litteraturen, men lite av det er verd å nemna. Politimester og lokallhistorikar Ola Kvalsund har ein nokså utførelg gjennomgang av slektene i bygdeboka for Borgund og Giske, og i Sunnmørshistoria frå 1994 er det fleire artiklar om ættene på Giske av varierende kvalitet.¹⁴³¹ Langt dei fleste av dei involverte i sakene nedanfor må reknast til det ypperste sjiktet av det norske aristokratiet, og det er for mange av dei ikkje naudsynt med inngåande drøftingar. Eg set dessutan inn nokre slektstavler som viser samanhengane mellom dei.


Table 19. Den yngre Giske- og Bjarkøy-ætta, med noko av Naustdal-ætta.



1430. C. C. A. Lange 1850.

1431. Kvalsund 1957, s. 235–344, og Larsen og Sulebust 1994.

Tavle 20. Sorum-ætta, samt arvingane etter junker Hans Sigurdsson





Figur 89. Seglet til baronen Bjarne Erlings-son i Bjarkøy og Giske frå 1288 (*NoSigV*, nr. 2).

SAK 465: 5. november 1307, [Bergen]: Make-skiftebrev frå biskop Arne i Bergen: Etter det som vert sagt i fru **Margreta av Giske**s testamente, gav ho $\frac{1}{4}$ av bygarden Fatten, med unntak av dei nye husa der, til Mariaalteret i Kristkyrkja i Bergen. Dette vert overlate til herr **Bjarne Erlingsson** mot hans gard i Sutarestretet som heiter Bjarnegard eller Nyegard, med badstova og kålhagen.¹⁴³²

Fru **Margreta Nikolasdatter** i Giske var dotter til Nikolas Petersson i Giske, og er i Magnus Lagabøtes saga sagt å ha vore det beste giftet i landet.¹⁴³³

Herr **Bjarne Erlingsson** er etter Knut Helle «en av de to klare forgrunnsskikkelser i kong Eirik's råd», og etter at kong Eirik var død heldt han fram i tenesta hjå kong Håkon 5. Som eigar av dei store jordegodssamlingane med sentrum i Bjarkøy og Giske, var han truleg den rikast og mest fornemme mannen i Noreg på denne tida. Han døydde den 7. juli 1313.¹⁴³⁴ Våpenmerket i Bjarne Erlingssons segl frå 1288 viser ein griff som held ein fugl i klørne. Dette har vorte tolka som eit bilete på unionen mellom slektene på Bjarkøy og Giske, der griffen representerer Bjarkøy og fuglen, truleg ei ørn, representerer Giske-ætta (Arnmødlingane), der stamfaren, Finnvid Fundne, nettopp var sagt å vera funnen i eit ørnereir.¹⁴³⁵ Det finnest dessutan overlevert to andre segl frå Bjarne Erlingsson, frå høvesvis 1297 og 1303–1307. Det første er eit ryttarsegl, det andre eit sekretsegel, og begge inneheld ein griff i våpenmerket, men utan at griffen held ein fugl i klørne.¹⁴³⁶

SAK 466: 25. januar 1308/1309, Bergen: Testamente for **Bjarne Erlingsson** i Bjarkøy. Frisk på sinn og lekam vel han seg gravstad i Kristkyrkja i Nidaros, og gjev for dette 60 mmb på Sunnmøre: 20 mmb i Aurdal, 10 mmb i Sæbø, 10 mmb i Søvik, 9 mmb i Heissa og 12 mmb i

1432. *DN* II, nr. 88; *RN* III, nr. 432.

1433. *HHVigf*, s. 363: «Þótti sá kostr vera þann tíma einn beztr í landinu, bæði fyrir ættar sakir ok ríkdóms, ok fríðleika».

1434. K. Helle 1972, s. 576–578; K. Helle 1999b.

1435. Sjå innleiinga til Arnmødlingatalet i *FskBE*, Viðbætur IV, s. 371: «Maðr het Finnviðr fundinn. Hann var fundinn í arahreiðri ok vafðr í silkireifum, ok vITU menn eigi ætt hans. Frá hÓnum er komin ætt sÚ, er kölluð er Arnungætt. Sonr hans var Þórarinn bullibak, faðir Arnviðar, föður Arnmóðs jarls. Frá hÓnum er komin sÚ ætt, er Arnmøðlingar heita.»

1436. *NoSigV*, nr. 1363 (1343b) og 1364 (1344b).

Slyngstad. Til sjelegåve for si hustru Margreta [Nikolasdotter] og sonen Andres [Bjarnesson] gjev han til eit anna prebende i Kristkyrkja ein del (namngjeve) gods i Trøndelag. Dersom det går mindre av desse gardane enn det som er nemnt, skal det takast i staden av godset hans på Nordmøre. Vidare gjev han (namngjeve) gods til Bakke kloster, Bjarkøy kyrkje, Dønnes kyrkje, Peterskyrkja i Veøy, Kristkyrkja og Nikolaskyrkja [same stad], til Peterskyrkja i Borgund, Kristkyrkja og Margretakyrkja [same stad], og til Giske kyrkja. Til Kristkyrkja i Bergen gjev han for si sjel halve Fatten til eit prebende, og den andre halvta i Fatten gjev han til eit prebende i Apostelkyrkja i Bergen. Til Olavshusa ved kongsgarden i Bergen gjev han 6 mmb i Bjørk (Lus 3?, Lær 3–4 el 39?) i Sogn. Til Nikolaskyrkja i Bergen gjev han heile «Suarthals» for sjelemesse og årtidhald. Til Nonneseter i Bergen gjev han 30 mmb i Mundal (Ham 10–11) for si, hans hustru Margretas og sonen Anders sine sjeler. Vidare penge- og jordegodsgåver til ymse kyrkjer og kloster. Dronning Eufemia og herr Tore Håkonsson får lausøyre. Fru Ingebjørg Erlingsdotter¹⁴³⁷ får 20 mmb i «Bergenn paa Nes». Brorkona hans, fru Gyrid [Andresdotter],¹⁴³⁸ får beltet som han fekk av kong Edward 1. av England samt eit staup. Sonedottera hans, Kristina [Andresdotter] får heile Giske, Runde og Goksøyra. Hans søsterdotter, Sigrid,¹⁴³⁹ får gods på Sunnmøre. Sveinane hans får eitt års landskyld av godset hans på Opplanda. Dersom noko er utelukka og utsletta av hans kone Margretas testamente, legg han i staden Ornes (Haf 91) i Sogn. Brorsonen, **Jon [Vidkunnsen]**, får 9 mmb i Talsete (Lus 54) i Sogn på villkår at han ikkje sel eller avhendar godset, og dersom han ikkje får livsarvingar, skal godset gå attende til Bjarne Erlingssons arvingar.¹⁴⁴⁰

Testamentet er sist handsama i ein artikkel av Audun Dybdahl i *Historisk tidsskrift*, og eg viser til den for ei grundigare drøfting.¹⁴⁴¹ Med omsyn til søsterdottera Sigrid følgjer eg P. A. Munch som avviser opplysninga i avskriftene av brevet at det er tale om ei Øygjerd, søsterdotter til kona Margreta Nikolasdotter, med at det i Magnus Lagabøtes saga uttrykkeleg vert sagt at Nikolas i Giske berre hadde ei dotter.¹⁴⁴² Eg ser dette for å vera rimeleg. At Bjarnes søsterdotter heitte Sigrid, kjem fram i referatet av testamentet hjå Absalon Pedersson Beyer, som etter alt å døma hadde tilgjenge til originaldokumentet hjå Erik Rosenkrantz i Bergen.¹⁴⁴³ Eg meiner det er større grunn til å stola

1437. Fru **Ingebjørg Erlingsdotter** var dotter av Erling Alvsson av Tornberg, og gift med baronen Tore Håkonsson av Manvik. Ho var dermed mor til Kristina Toresdotter, kona til Andres Bjarnesson.

1438. Fru **Gyrid Andresdotter** av Ståreim, var gift med Vidkun Erlingsson.

1439. Jf. P. A. Munch 1859, s. 621.

1440. DN XV, nr. 1; RN III, nr. 548. Jf. også P. A. Munch 1859, s. 621–622, og Dybdahl 1998.

1441. Dybdahl 1998.

1442. P. A. Munch 1859, s. 621. Dybdahl 1998, s. 404 og 431, held seg til at det er ei søsterdotter av Margreta Nikolasdotter, og ikkje ei søsterdotter av Bjarne sjølv.

1443. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 23–25. Det er likevel klart at samandraget hjå Absalon har ein del utelatingar og feil.

på Absalon Pedersson, som var norsk og må ha hatt folk som kunne lesa norrøne handskrifter i omgangskrinsen sin (dersom han då ikkje sjølv kunne lesa det), enn kva det er å stola på dei danske avskriftene frå 1600-talet.¹⁴⁴⁴

Jon, brorsonen til Bjarne Erlingsson, er rimelegvis ein utanomekteskapeleg son av Vidkunn Erlingsson. Vidkunn er i alle høve den einaste broren vi kjenner til, og når det går fram av eit pavebrev frå 1291 at han har hatt kjønnsleg omgang med ei kvinne han var i slekt med i fjerde grad, tyder dette på at eit barn vart resultatet av dette tilfellet av «carnaliter».¹⁴⁴⁵ Ei Ragna Jonsdotter som 1347 vert kalla frendkona til Erling Vidkunsson er kan henda ei dotter av denne Jon.¹⁴⁴⁶ Denne Ragna Jonsdotter er truleg den same som i 1334 er sagt å eiga Kårbø på Lesja og er gift med ein Pål Pålsson,¹⁴⁴⁷ men neppe den same som fru Ragna som er nemnt i sak 468 nedanfor.¹⁴⁴⁸

SAK 467: 22. august 1330, Bergen: Vitnebrev om sal frå Jon av Lübeck, Jon «skæringen» og Alv Ivarsson: Dei var til stades då **Ogmund Lang** selde 10 mmb i Henjane i Systrond (Lei 17) til kongens drottsete, herr **Erling Vidkunsson**, for 40 forngilde mark.¹⁴⁴⁹

Ogmund Lang er elles kjent frå to andre brev. I 1333 er han nemnt først av tre menn, mellom andre Halldor Duk (sjå s. 216), som utferdar han eit vitnebrev i Bergen (sak 275). At han sigillerer framfor Halldor Duk, indikerer at han minst må reknast til ein lokal elite, men helst til det lågare sjiktet av aristokratiet. I eit brev dagsett Bergen den 22. oktober 1341, er han nemnt å ha formulert eit handsal i samband med festemålet mellom Torstein Ivarsson og Sigrid Bårdsdotter året før.¹⁴⁵⁰

1444. Jf. Dybdahl 1998, s. 406.

1445. DN I, nr. 79; RN II, nr. 634 og 635. Jf. Gustav Storms note i Abs., *Om Norgis Rige*, s. 24.

1446. DN II, nr. 279 og 280; RN V, nr. 915 og 918. Jf. Opsahl 2005.


1447. Schøning, *Reise som giennem en Deel af Norge (...) Gudbrandsdalen og Hedemarken*, s. 12, note.

1448. Kronologien gjer dette vanskeleg, ettersom det i testamentet til Bjarne Erlingsson frå 1309 kan sjå ut til at han enno ikkje har livsarvingar. Dermed er det lite truleg at han har ein dotterson Erlend Serksson som i 1331 er gamal nok til å opptre på eiga hand. Dersom fru Ragna i 1331 verkeleg er den same som Ragna Jonsdotter i 1334 og 1347, er ho neppe dotter til Jon [Vidkunsson]. Manglande bruk av fruetittel i 1334 og 1347 er derimot ikkje noko argument, jf. den manglande tittelbruken til Erling Vidkunsson sjølv i 1337 (sak 469).

1449. DN I nr. 204; RN IV, nr. 758. Datering etter RN, DN har 23. august 1329.

1450. DN I, nr. 276; RN V, nr. 511.

Herr **Erling Vidkunsson** var rid-
dar, sylemann, riksråd, og drottsete i
tida 1323–1331, og var truleg den rikaste
og mektigaste mannen i Noreg i samtida,
utanom kongen sjølv. Han døydde i
1355. Erling var gift med Elin Tores-
dotter (n. 1329–1347), som var dotter av
baronen og kansleren Tore Håkonsson
(† 1317) og Ingebjørg Erlingsdotter
(† 1315) av Tornberg-ætta.¹⁴⁵¹ For



Figur 90. Segla til Erling Vidkunsson frå høvesvis 1325 (t. v.) og 1343 (*NøSigl*, nr. 141 og 449). Våpenmerket inneheld den same figuren i begge segla, men legg merke til det ekstra skjoldet med løve i det eldste seglet. Truleg er dette den norske riksløva, og eit symbol på drottseteembetet som Erling hadde i åra 1323–1331.

ytterlegare informasjon om Erling viser eg til biografiane om han i *NBL* og *NBL2*.¹⁴⁵²

SAK 468: 3. september 1331, Bergen: Kvittering frå **Erlend Serksson**. Den jorda på Nordmøre som herr **Erling Vidkunsson**, kongens drottsete, gav i makeskifte til han, hans mor fru **Ragna**, og hans kone **Ingebjørg**, svara ikkje fullt ut til det dei gav herr Erling i Valdres, Hardanger og Sogn. Difor har herr Erling no også late dei få 6 øyresbol i «Biarnnar velli» og ½ mmb i Dale, begge i Romsdal.¹⁴⁵³

Erlend Serksson er, slik det går fram av brevet, gift med ei **Ingebjørg**, og son av ei fru **Ragna**. At mora har fruetittel tyder at ho har vore gift med ein riddar, og etter patronymet hjå Erlend har denne riddaren truleg heitt Serk. At Erlend skaffar seg jordegods i Romsdal, kan indikera at denne Serk er identisk med riddaren Serk på Austrått, som opptret i eit par brev frå 1309 og 1311.¹⁴⁵⁴ Alle desse tre må reknast til aristokratiet. Eg har ikkje funne dei omtalte i andre kjelder.

SAK 469: 7. november 1337: Fullmaktsbrev frå **Erling Vidkunsson**. Han gjev Hallvard Åsmundsson fullmakt til å selja sine jordeigedomar i Hardanger.¹⁴⁵⁵

24. februar 1338, Munkeliv: Vitnebrev frå Ivar Andresson, gulatingslagmann, Sigurd Sigvatsson, lagmann på Orknøyane, Håkon Ivarsson, Hjarrande Toraldesson, Kolbein Andresson og Fridrek Arnesson. Dei var til stades då Hallvard Åsmundsson, som ombodsmann for herr

1451. Det var gjennom henne Erling fekk hand om delar av Tornberg-ættas jordegods, og ikkje gjennom mora av Ståreim-ætta, slik det går fram av K. Helle 2000b, s. 504.

1452. Edvard Bull d. e. har skrive biografien i *NBL*, Knut Helle (2000b) i *NBL2*.

1453. *DN* III, nr. 161; *RN* IV, nr. 849.

1454. *DN* I, nr. 121 (1309); *DN* I, nr. 127 (1311); jf. *RN* III, nr. 572 og 718.

1455. *DN* XII, nr. 87; *RN* V, nr. 68.

Erling Vidkunnsson, selde til abbeden i Munkeliv 12 ½ mmb i Ålvik (Vikøy 75/77), 6 ½ mmb i Melstveit (Vikøy 52?), 2 mmb i «Geitzskasætre» (Vikøy 75) og 1 ½ mmb i Fosse (vel Vikøy 74), alle i Hardanger, for 110 forngilde mark.¹⁴⁵⁶

Erling Vidkunnsson er handsama ovanfor.

SAK 470: 11. mars 1401, Giske: Fullmaktsbrev frå **Håkon Sigurdsson**. Han gjev herr Alv Haraldsson fullmakt, i fullt ombod for seg, til å saksøkja **Tideke Vistenaker** og fru **Margreta Eilivsdotter**, om det godset som fru **Herdis Torvaldsdotter** (sjå s. 342) åtte, og om det godset som **Erling Einarsson** i Hildugard åtte.¹⁴⁵⁷



Figur 91. Seglet til Håkon Sigurdsson frå tida 1398–1405 (*NºSigV*, nr. 1311). Våpenmerket er identisk med det som morfaren Erling Vidkunns

Håkon Sigurdsson var dotterson av Erling Vidkunns

son av Sigurd Havtoresson av ætta på Sørum på Romerike og Ingebjørg Erlingsdotter. Han ser ikkje ut til å vera særleg mykje involvert i rikspolitikken, og døydde i 1407. Han var gift med Sigrid Erlendsdotter av Losna-ætta (sjå kap. 4.32), som etter at Håkon var død vart gift med Magnus Magnusson (sjå nedanfor under neste sak).¹⁴⁵⁸ Det kan sjå ut til at Håkon og Sigrid budde

på Slinde i Sogndal den første tida, ettersom dottera Ingeborg vart fødd der i 1390.¹⁴⁵⁹ Seinare har dei flytta til Giske. Denne saka frå 1401 er ein strid om jordegodset etter Herdis Torvaldsdotter, samt etter Erling Einarsson i Hildugard. Håkon Sigurdsson og Margreta Eilivsdotter var søskenbarn, ved at mødrene deira var begge døtrer av Erling Vidkunns

son, som er utgangspunktet for denne tvista. Herdis er søskenbarnet til Sigurd Havtoresson ved at ho er dotter av Sigurds farsøster, og vart arva av Havtoressønene. Margreta Eilivsdotter var gift første gong med Håkon Jonsson, sonen til Jon Havtoresson. Slektskapet til Erling Einarsson må på si side gå gjennom Bjarkøy-ætta ettersom han sit med Ornes i 1380 (sjå s. 389), men som Bjarne Erlingsson eig i 1309. Herdis Torvaldsdotter og Erling Einarsson har neppe vore gifte, slik det også har vore hevda.¹⁴⁶⁰

Tideke Vistenaker er den andre (eller tredje) ektemannen til fru Margreta Eilivsdotter. Han opptrer i ein del kjelder frå dei første par ti-åra av 1400-talet, og var truleg riksråd i 1406, om ikkje

1456. DN XII, nr. 88; RN V nr. 88

1457. DN II, nr. 566; RN VIII, nr. 978.

1458. C. C. A. Lange 1850, s. 65–67; jf. Kvalsund 1957, s. 319–322.

1459. DN I, nr. 537.

1460. Langekiehl 1991, s. 54.

alt i 1401.¹⁴⁶¹ Truleg var han av tysk opphav,¹⁴⁶² vel ein av dei mange tyskarane eller tyskætta svenskane som slo seg ned i Noreg kring 1400.¹⁴⁶³ Etter 1416 kan eg ikkje sjå at han er nemnt i kjeldene.

Fru **Margreta Eilivsdotter** var dotter av Eiliv Eilivsson, og firmenningen hans, Gyrid Erlingsdotter av Bjarkøy-ætta. Eiliv tilhørte truleg Naustdal-ætta i Sunnfjord, men er i dispensasjonsbrevet frå 1347 sagt å vera frå Oslo bispedømme.¹⁴⁶⁴ Kan henda har han vorte fostra hjå morsætta si som godt kan ha vore austnorsk, ettersom far hans, Eiliv Eilivsson i Naustdal ikkje er nemnt etter 1319.¹⁴⁶⁵ Eiliv har truleg framleis vore relativt ung då han gifta seg. Både han og Gyrid drukna i 1358.¹⁴⁶⁶ Margreta må såleis ha vore ung når ho mista begge foreldra sine, og vart etter alt å døma fostra hjå Sigurd Havtoresson som var gift med søster til mor hennar. Ho var gift to, kan henda tre, gonger. Første mannen hennar var Håkon Jonsson av Sørum-ætta, som døydd i 1391/1392, og siste mannen hennar var riddaren Tideke Vistenaker. Ingen av ekteskapa ser ut til å ha gjeve barn, og når ho dør kring 1425 vert ho arva av dei tre dotterbarna til Sigurd Havtoresson. Margreta er part i fleire av transaksjonane nedanfor.



Figur 92. Segla til dei truleg tre viktigaste mennene i Margrete Eilivsdotters liv. T. v. faren, Eiliv Eilivssons segl frå 1347 (*NøL* IV, s. 377–378; *DN* I, nr. 303; foto © NRA). Av ein eller annan grunn er ikkje seglet hans avteikna i *NøSigV*. Det er eit segl med bokstaven G. I dei norske våpenbøkene frå siste del av 1600-talet er derimot våpenet til Eiliv Eilivsson attgjeve som ein springande hjort (jf. KB, Uldall 479 4^{to}, fol. 137^v og 161^f, nr. 83; KB, Thott 1895 4^{to}, nr. XXXVI). I midten Håkon Jonssons segl frå tida 1370–1389 (*NøSigV*, nr. 859). T. h. seglet til Tideke Vistenaker frå 1415 (*DN* I, nr. 646; teikning i NRA, KA).

Herdis Torvaldsdotter er handsama tidlegare (sjå s. 342), medan **Erling Einarsson** i Hildugard er handsama nedanfor i kap. 4.25.

1461. Y. Nielsen 1880a, s. 276–277.

1462. Koht 1927–1929, s. 403, meiner at han var jemte, og at Vistenaker (Vistenacker, Wystenaker, Wüstenacker) er ei korrumpert form av gardsnamnet Vestanaker i Jemtland.

1463. Om dette fenomenet, sjå Erik Opsahl i Opsahl og Sogner 2003, særskilt s. 138–154.

1464. *DN* I, nr. 308: «Dilecto filio nobili viro Elauo Elai et dilecte in Christo filie nobili mulieri Guridi nate dilecti filii nobilis viri Erlingi Wikundi Osloensis et Bergensis diocesis».

1465. *DN* VIII, nr. 50; *RN* III, nr. 1129.

1466. *LA*, s. 357: «Drucknun herra Eilifs Eilifs sonar og frv Gyridar».

SAK 471: 1. september 1416, Bergen: Makeskiftebrev utferda av **Tideke Vistenaker**, riddar, og **Margreta Eilivsdotter**. Dei har gjort makeskifte med velboren mann **Magnus Magnusson**, og gjeve til han den jorda som heiter Hundeid i Aure kyrkjesokn, samt alle andre sine øydejorder på Sunnmøre, små og store, kvar dei enn kan finnast. Mot dette gjev Magnus Magnusson dei den jorda som heiter Eikenes (Hos 63–64), heile nedre garden, i Oster i Hamre kyrkjesokn.¹⁴⁶⁷

Magnus Magnusson er andre ektemannen til Sigrid Erlendsdotter, enkja etter Håkon Sigurdsson på Giske (sjå s. 350). Han var svenskfødd og opptrer i kjeldene i tida 1410–1426.¹⁴⁶⁸ Truleg er det same mann som i 1403 er nemnt høvedsmann på Bergenhus.¹⁴⁶⁹

SAK 472: 19. august 1418, Bergen: Gåvebrev frå [fru] **Margreta Eilivsdotter**. Ho gjev til abbed Stein og Munkeliv kloster så mykje som ho eig i Åkrafjorden (vel primært i Skånevik) og på Hjaltland, Gud og hans mor Maria og Sankt Mikael til ære, og for at det til evig tid skal haldast sjelemesser for ho og hennar foreldre ved Vår Frues alter i klosterkyrkja.¹⁴⁷⁰

19. august 1418, Bergen (2): Proventbrev utferda av abbed Stein i Munkeliv og alle konventbrørne. Dei har teke opp velborne frue, fru **Margreta Eilivsdotter**, i klosterets brorskap, og forpliktar seg til vederlag for hennar gåver av jordegods i Åkrafjorden og på Hjaltland, til å gje henne provent i klosteret så lenge ho lever. Der skal ho ha 2 kjellarar, 2 stover, 1 bu, 1 kove ved storloftet og 1 kove mellom fateburet og vetlestova, og klosteret skal halda henne 2 kyr og 1 hest så lenge ho lever. Når ho døyr skal dei til evig tid halda sjelemesse for henne og foreldra hennar 4 gonger i året.¹⁴⁷¹

Margreta Eilivsdotter er handsama ovanfor.

SAK 473: 25. februar 1424, Bergen: Avhendingsbrev frå **Margreta Eilivsdotter**. Ho har gjeve til abbed Stein i Benediktinarklosteret i Munkeliv i Bergen så mykje som ho eig i Vik (Fjb 38) i Fjelberg sokn og Midtli (Fusa 39) i Fusa sokn, for 14 ½ pund engelsk som ho skuldar klosteret, samt for bustad som ho har hatt der.¹⁴⁷²

SAK 474: 9. oktober 1472, Bergen: Gåvebrev frå **Filippa**, dotter til grev Hans [av Eberstein]. Ho gjev til herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284), riddar, sin gard Dreggen med hus og tomt og alt det som ligg til.¹⁴⁷³

1467. DN II, nr. 639.

1468. C. C. A. Lange 1850, s. 67–68.


1469. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 77.

1470. DN XII, nr. 163.

1471. DN XII, nr. 164.

1472. DN XII, nr. 176.

Fru **Filippa Hansdatter**, var enkja etter drottseten Sigurd Jonsson, og dotter av grev Hans av Eberstein. Ho hadde fått hand om Dreggen i 1463 (sjå sak 139) som betaling for uteståande skuld til den avdøde mannen hennar som var død ein gong mellom 1452 og 1454. Sjølv levde ho fram til 1477/1478.¹⁴⁷⁴ Dei vart foreldre til



Figur 93. Seglet til venstre tilhørte Sigurd Jonsson i 1445 (DN VII, nr. 427), og til høgre seglet til Filippa, dotter til grev Hans, frå 1455 (DN II, nr. 810). Teikningar i NRA, KA.

Hans Sigurdsson som er omhandla nedanfor.

SAK 475: 11. september 1490, Bergen: Skiftebrev utferda av erkebiskop Gaute av Nidaros, biskop Hans [Teiste] i Bergen, Christiern Pedersson, prost ved Apostelkyrkja i Bergen, Nils Henriksson, riddar, Didrik Pining av våpen og Erlend Frak, lagmann i Bergen. Dei skifta godset etter junker **Hans Sigurdsson**, og delte alt godset i tre delar. Grunnane i Bergen vart udelte. Herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284) fekk Sørum med alt godset på Romerike og i Hallingdal, Skenem i Oslo, Giske med alt godset i Romsdal og på Sunnmøre, 5 gardar i Senja len, 1/3 av landvaren i Gryllefjorden, Torsken og Øyfjorden, samt gods på Hjaltland. Herr **Otte Matsson [Rømer]** (sjå kap. 4.37) og hans søsken fekk Kvåle (Sog 23) med alt godset i Sogn, godset i Åkrafjorden og Sunnhordland, ein gard ved «Næsit», alt gods i Nordfjord, heile Sørøya i Finnmark med spekk og landvare i to av tre år, 6 gardar i Senja len, 1/3 av landvaren i Gryllefjorden, Torsken og Øyfjorden, samt gods på Hjaltland. Væpnaren **Arild Kane** (sjå kap. 4.32) fekk, på vegne av si hustru fru **Ingegjerd Erlendsdotter** (sjå kap. 4.32) og hennar søster fru **Sigrid Erlendsdotter** (sjå kap. 4.32), Dønnes med alt gods på Helgeland, helvta av landvaren i «Vegin» samt 12 f(jerdingar) i landskyld, alt gods i Surnadalen og andre stader i Edøy len som høyrte til arven etter junker Hans, Møyfjorden i Senja med «Treelen» og «Hob», 5 gardar i Senja len, 1/3 av landvaren i Gryllefjorden, Torsken og Øyfjorden, samt gods på Hjaltland.¹⁴⁷⁵

Junker **Hans Sigurdsson** var siste mann av den yngre Sørum-ætta, og døydde ugift i 1466. Han var son av drottseten Sigurd Jonsson og fru Filippa Hansdatter som er omtalte ovanfor. Skiftet etter han og prosessen rundt det, er grundig handsama i hovudoppgåva til Per-Øivind Sandberg frå 1970,

1473. DN I nr. 900.

1474. Opsahl 2004b.


1475. DN VIII, nr. 426, jf. dessutan Sandberg 1970.

og eg viser til den for ei drøfting og ein gjennomgang av jordegodset. Dei andre involverte personane i denne saka, arvingane etter Hans Sigurdsson, er handsama saman med sine respektive slekter.

4.18 Ståreim

Til liks med dei fleste andre norske lendmannsætter er også denne ætta handsama i mykje lokalhistorisk litteratur av høgst varierende kvalitet.¹⁴⁷⁶ Det første ein høyrer om jordegodset til denne ætta er då baglarsoga fortel at baglarane på seinsommaren 1204 for nord til Rugsundet og låg der i nesten tre veker. Då tok biskop Nikolas landskyldene sine, heiter det, og det kom leidang til dei.¹⁴⁷⁷

Tablle 21. Ætta på Ståreim.¹⁴⁷⁸



SAK 476: 6. februar 1309, Bergen: Vitnebrev frå herr Bjarne Erlingsson i Bjarkøy, Erling Åmundesson, sira Ivar Olavsson, herr Aude Olavsson, sira Jon Prest, fru Torbjørg, fru Ingegierd, Svein klerk, Tord klerk, Ordrek, og andre gode menn. Dei var til stades då fru **Gyrid Andresdotter** avla rekneskap til sin brorson **Gregorius Andresson Unge**s ombodsmann, sira Erlend Styrkårsen, for dei fire åra ho hadde styrt godset hans. Inntektene av godset i desse fire åra ho hadde hatt ombodet, var først 112 månadsmater, og i korn 5 lester og 3 ½ pund som er i smørsverde i Bergen 127 månadsmater, totalt i smør vert dette 200 månadsmater tolvrodd – det vil seia 240 månadsmater etter titalsrekninga som eg reknar med heretter –

1476. T. d. Os 1960, som diverre er mykje referert til, trass i den openberre mangelen på kvalitet. Ei ny bok om Ståreim-ætta i mellomalderen kom ut hausten 2006 på Selja Forlag.

1477. *Norges kongesagaer*, bd. 3, s. 293; jf. *Bögl.*, del II, s. 30–31.

1478. Etter stamtafvlene hjå P. A. Munch, samt saga- og diplommateriale. Kona til Audun Hugleiksson er høgst uvisst om tilhøyrer Ståreim-ætta, men det er ikkje usannsynleg, ettersom Gyrid er eit fornamn som er vanleg i ætta, samt at mykje av jordegodset etter Audun Hugleiksson seinare i mellomalderen er sagt å ha lege i Nordfjord. Om Cecilia Håkonsdotter er mor til barna til Gregorius Andresson er også høgst uvisst. Jf. P. A. Munch 1859, s. 287.

minus 1 månadsmat, per år. For alle fire åra vert dette 888 månadsmater ettersom det sidan kom til 8 månadsmater. Utgiftene er desse. Først det som ho ikkje tok til, 27 månadsmater, og til skipnad av hus og eigedom, 49 månadsmater, og til andre utgifter 125 månadsmater. Likeeins i kost, inkludert skipsleige og flytting frå Jæren 86 månadsmater, og frå Fjordane i saltkjøt og huder 16 månadsmater. Til eigedomane er lagt Reve (Klepp 41) og «Eikræim»,¹⁴⁷⁹ 240 månadsmater. Likeeins for fire merker brende som ho har, 111 ½ månadsmater, og det som ho ikkje fekk, 19 månadsmater. Uteståande er 4 pund korn hjå Håkon på Reve, og 5 månadsmater hjå Brase på «Vfinsakre».¹⁴⁸⁰ Til klede, skinn og hoser til Gregorius, 112 månadsmater. Fru **Torbjörg** fekk i alle ting 85 månadsmater. Likeeins gammal gjeld, drikkevarer til skulen, gåver som han gav, pell, og kosten han hadde på reisa til Flandern, 105 ½ månadsmater, samt 3 merker brende som han skal ha derifrå til Roma. Likeeins for gravstein 12 månadsmater, for «korn laght» 9 ½ månadsmat. Er då tilsaman utgreidd 976 ½ månadsmat,¹⁴⁸¹ noko som er 100 månadsmater¹⁴⁸² meir som er utgreidd enn kva som er kome inn. Og sidan, på niande(!) året, tok fru Gyrid, med råd frå sira Erlend Styrkársson og herr Erling Åmundesson, landskylda til Gregorius av Sogn og av Fjordane til eit verde av 95 månadsmater, og ho får då ikkje meir enn 6 månadsmater meir enn det som Gyrid hadde lagt ut i høve til det ho hadde teke inn.¹⁴⁸³

Vi får her eit etter måten godt oversyn over kor mykje jordegods ein mann i ei av dei sentrale lendmannsættene sat med i Noreg på byrjinga av 1300-talet. **Gregorius Andresson Unge** har altså ått jordegods på Jæren, i Sogn og i Fjordane. Samanhalde med breva om Ståreim frå 1324 (sjå nedanfor), er det også nærliggjande å vera samd med P. A. Munch i at fru **Torbjörg** må vera mor til Gregorius Unge.¹⁴⁸⁴ Farsøstera til Gregorius, fru **Gyrid Andresdotter**, var gift med Vidkunn Erlingsson av Bjarkøy-ætta,¹⁴⁸⁵ og vart mor til Erling Vidkunsson. Likevel har tilsynelatande ikkje Ståreim-

1479. «Eikræim» er kan henda Ekreim i Etne (gnr. 71). Heile denne garden er bondegods i 1661. Men ettersom Gregorius ikkje er sagt å eiga jord i Sunnhordland, kan det tenkjast at det er ein av dei mange vestlandsgardane med namnet Ekren(e) eller kan henda jamvel Eitrem.

1480. «Vfinsakre», vel Ylvisåker i Sogndal (gnr. 79).

1481. Brevteksten har 800 månadsmater pluss 96 ½ månadsmat. men den første summen må vera tolvrodd, då det ikkje elles kan verta i nærleiken av 100 månadsmater meir som er lagt ut enn det som er kome inn. Heilt nøyaktig er ikkje reknestykket likevel.

1482. Skal vera 95? Jf. neste setning.

1483. DN II, nr. 93; med ein svært ufullstendig regist i RN III, nr. 550.

1484. P. A. Munch 1859, s. 286–287, særskilt note 2.


1485. Dei fekk paveleg dispensasjon til å gifta seg den 20. august 1291 (DN I, nr. 79), ettersom Vidkunn tidlegare hadde hatt kjødeleg omgang med ei kvinne som var i slekt med Gyrid i fjerde ledd. Brevteksten er i og for seg genealogisk interessant, ettersom Gyrid i brevet er sagt å vera «nobilis mulieris Girud Andree Stavangrensis diocesis». Koplinga til Stavanger bispedøme er ikkje beint fram innlysande. Truleg er det Andres Pott, far til Gyrid og farfar til Gregorius Unge, som har vore gift med ei kvinne frå denne kanten av landet, og Gyrid kan ha vorte fostra hjå morslekta si etter at far hennar var død. Eit slikt giftarmål vil også forklåra jordegodset på Jæren hjå Gregorius.

ættas siste mann, Gregorius Andresson Unge, rådd over eit særskilt stort jordegods, ettersom det ser ut til at han berre har hatt inntekter av omlag 240 mmb årleg. Dette er eit moment ein må ta med seg, særskilt ettersom Ståreim-ætta har tilhøyrt det absolutte toppsjiktet innan det norske aristokratiet, med lendmenn og baronar sidan 1100-talet, og jamvel to gonger inngifta i kongeslekta.

SAK 477: 30. september 1324, i Bergen: Takseringsbrev frå Gunnar Tomasson, Aslak Olavsson, Eindride Simonsson, Torbjørn rådsman i bispegarden og Helge Simonsson: Kongens drottsete, herr **Erling Vidkunsson** (sjå s. 349), ville løysa inn sin odelsgard Ståreim (Eid 83) frå **Arnfinn «skækio»** og **Anund Imba**, som hadde arva den etter fru **Torbjörg**. Dei verdsette garden til 5 forngilde mark for kvart mmb.¹⁴⁸⁶

1. oktober 1324, i Bergen: Salsbrev frå **Arnfinn Eilivsson** og **Anund Imba**: Dei har selt til kongens drottsete, herr **Erling Vidkunsson** (sjå s. 349), og hans arvingar 21 mmb i Ståreim (Eid 83) i Ståreim kyrkjesokn i Fjordane for 35 vegde mark brent, som herr Erling skal betala til fransiskanarane i Bergen i testamentarisk gåve frå fru **Torbjörg**.¹⁴⁸⁷

Arnfinn Eilivsson Skjøkja og **Anund Imba** var dei næraste arvingane etter fru **Torbjörg**. Korleis dei var i slekt i henne er uvisst, men dei må ha vore nokså nærskylde, kan henda bror- eller søstersøner til fru Torbjörg, eller dei har vore gifte med to søstre som var like nærskylde til fru Torbjörg. Dei må i alle høve ha stått i same arveklasse, noko som viser at dei begge har vore i slekt med fru Torbjörg på lik måte. Diverre har vi ikkje noko segl etter Anund Imba, slik at vi ikkje kjenner farsnamnet hans. Eit indisium på at Anund og Arnfinn kan ha



Figur 94. Segla til Arnfinn Eilivsson Skjøkja (t. v.) frå salsbrevet 1324, og seglet til Bjarne Anundsson (t. h.), lagmann i Gulating 1332 (*NoSigV*, nr. 138 og 224).


vore brør, får ein ved å sjå på seglet til Gulatingslagmannen Bjarne Anundsson/Anundsson frå 1332, der våpenmerket ikkje er ulikt det som vert ført av Arnfinn Eilivsson i 1324. No veit vi ikkje om Bjarne var ein son av Anund Imba, men umogleg er det ikkje. Han er heller ikkje nemt i meir enn eitt brev frå mellomalderen, men dersom Bjarne var son til Anund Imba, vil dette styrkja ein teori om at Anund og Arnfinn var brør. Kven var så desse to?

1486. *DNI*, nr. 176; *RN IV*, nr. 304.

1487. *DNI*, nr. 177; *RN IV*, nr. 305.

Anund Imba er nemnt første gong i november 1319, då han er nemnt først av fire menn som utferdar eit vitnebrev i Oslo om sal av jord i Børsum i Ås i Follo.¹⁴⁸⁸ Denne koplinga til Austlandet gjer det ikkje usannsynleg at det er same mann, eller ein etterkomar, som er nemnt i Raudeboka i ein passus der kona til «Ogmundr imbæ» er sagt å ha gjeve ein markebol i Rustad i Nes sokn på Romerike til bispestolen i Oslo.¹⁴⁸⁹ I 1325 er han og Arnfinn Eilivsson omtalte i ei kvittering på motteke betaling for Ståreim frå Erling Vidkunsson til to kannikar ved Kristkyrkja i Bergen.¹⁴⁹⁰ Den 17. oktober same år, er siste gong eg kan sjå han nemnt i brev. Då er han igjen i Oslo og utferdar nok eit vitnebrev om sal av jord i Børsum.¹⁴⁹¹ Ut over koplinga til Ståreim, som han har arva etter fru Torbjørg, kan Anund Imba dermed berre knytast til jordegods på Romerike og eventuelt også på Follo, begge stader på Austlandet.

Tavle 22. Fru Torbjørg og hennar slektskrins (hypotetisk).



Arnfinn Eilivsson Skjøkja er kjend frå fleire brev enn kva som er tilfellet med Anund Imba. Tilnamnet hans kan knapt tolkast som særskilt statusfremjande, all den tid det beint fram tyder skjøge eller hore. Han er også åleine om dette tilnamnet frå norsk mellomalder.¹⁴⁹² Likevel må både han og Anund Imba, gjennom slektskapet med fru Torbjørg åleine, reknast for å tilhøyra aristokratiet. Det er likevel fleire moment som styrkar ei hypotese om aristokratisk tilknytning. Alt i 1308 er han involvert i ei tvist om 3 mmb i garden Kvamme (Bor 20) i Borgund i Sogn (sjå sak 423), med eit etterspel i 1362 der ein Erling Torkjellsson avhendar dei same 3 mmb i Kvamme, forutan 19 mmb i same garden, til Botolv Eindridesson av ætta på Kvam og Finne (sjå sak 442). Kan henda var

1488. DN I, nr. 148; RN III, nr. 1143.

1489. RB, s. 222. E. H. Lind 1920–1921, sp. 179, har heller ikkje fleire med dette tilnamnet.

1490. DN I, nr. 181; RN IV, nr. 354 og 355.

1491. DN I, nr. 183; RN IV, nr. 383.

1492. E. H. Lind 1920–1921, sp. 337.

Erling Torkjellsson ein ættling av Arnfinn Eilivsson. At det er tale om Arnfinn Skjøkja i denne samanhengen, er sannsynleg, ettersom Arnfinn Skjøkja er i *BK* sagt å ha gjeve 4 mmb i Skåreim (Bor 24) til kyrkja på Tønjum i Lærdal.¹⁴⁹³ Fleire opplysningar får vi om Arnfinn Eilivsson i eit vitnebreiv om buoppgjær, dagsett Tunsberg den 12. april 1325. Det vert her fortalt at Arnfinn Eilivsson hadde inngått forlik med Ivar Nikolasson, fehirde i Tunsberg, som opptrådde på vegne av si hustru, Margreta Petersdotter, og hennar søster, jomfru Gunnhild. For si avdøde hustru, Mildred, sin part i buet (mellom anna 30 mmb jord, anna lausøyre, gull, sølv og benkegåve, samt fru Åsas utlegg for Arnfinn) overlot Arnfinn til Ivar Nikolasson 27 mmb i Halse, 16 mmb i Møl, 3 mmb i Håland og 3 mmb i Haddeland (alle gardane i Halse og Hartmark, no i Mandal kommune i Vest-Agder), med sikkerheit i Arnfinn si jord Skari på Hadeland. Arnfinn kunne innløysa jorda innan tre vintrar. Mildreds gjeld, gåver, og likferd i Bergen, vart trekt frå i oppgjeret.¹⁴⁹⁴ Mildred må ha vore søster til Margreta og Gunnhild Petersdøtrere, og dei har vore døtrere av fru Åsa og ein elles ukjent Peter. Fru Åsa vert i 1338 omtalt som fru Åsa på Tønjum, og har då herr Erling Vidkunsson som ombodsmann.¹⁴⁹⁵ I 1347 vert det i ei sak om ei tiendegåve frå herr Audun på Slinde (om han, sjå kap. 4.35), som Åsa ser ut til å ha gjort krav på, sagt at Åsa var mor til Gunnhild Petersdotter (for denne saka, sjå s. 420).¹⁴⁹⁶ Kan henda har ho vore ei søster til Audun på Slinde. Nærskylde må dei i alle høve ha vore. Plasseringa av fru Åsa på Tønjum i Lærdal, set dessutan fram spørsmålet om Gunnhild Petersdotter kan vera identisk med den fru Gunnhild på Rikeim (sjå kap.) i Lærdal som i Bergens Kalvskinn er sagt å ha gjeve 1 mmb i midtre tunet i Ljøsnane (Lær 9–11), samt 4 kyr for 1 mmb i Børkjane (Lær 3–4) til kyrkja på Tønjum,¹⁴⁹⁷ samt 1 ½ mmb i Raneim i Valdres til kyrkja på Rikeim.¹⁴⁹⁸ Usannsynleg er det ikkje. Etter 1325, dersom ein ser bort frå ei vidisse frå 1327 av brevet av 12. april 1325,¹⁴⁹⁹ kan eg ikkje sjå at Arnfinn Eilivsson Skjøkja er nemnt i live. At han har tilhørt aristokratiet er tvillaust. Interessant er det dessutan å merkja seg at også han har jordegods på Austlandet, nærare bestemt på Hadeland. Dette kan tyda at også opphavet til fru Torbjørg må søkjast her, ettersom det er høgst truleg at det jordegodset som Arnfinn har hatt i Sogn må ha kome gjennom ekteskapet med Mildred Petersdotter og mor hennar, fru Åsa på Tønjum. Brevet frå 1325 seier elles rett ut at jordegodset på Agder har kome frå Mildred.

1493. *BK*, pag. 40b.

1494. *DN* III, nr. 141 og 145; *RN* IV, nr. 337 og 484.

1495. *DN* II, nr. 227; *RN* V, nr. 92.

1496. *DN* II, nr. 285; *RN* V, nr. 938–940.


1497. *BK*, pag. 40b.

1498. *BK*, pag. 41b–42a.


1499. *DN* III, nr. 145; *RN* IV, nr. 484.

4.19 Kring Spåneim i Ulvik

Det har vore skrive store mengder litteratur om denne ætta og dei moglege koplingane mellom den og andre vestnorske stormannsætter, som til dømes Byre i Ryfylke forutan ættene på Sandvin og Aga. Det vil føra for langt å utgreia dei genealogiske problemstillingane i denne avhandlinga, og eg viser i staden til litteraturen for dette.¹⁵⁰⁰ Eg har også valt å handsama slektskrinsen til riddaren Svein Brynjulvsson i dette kapitlet, ettersom søstera hans er gift inn i slekta på Spåneim.



Figur 95. Segla til brørne Ogmund (over) og Inge-mund Peterssøner (t. h.) frå 1318 (*NoSigV*, nr. 96 og 97). Under er eit fragment av seglet til Ogmund i Byre frå 1302 (*NoSigV*, nr. 25).



SAK 478: 24. august 1310, Stavanger: Testamente frå **Torgeir Petersson** på Spåneim. Frisk på sinnet men sjuk på lekamen vel han seg gravstad i Svithunskyrkja i Stavanger, og gjev 10 mmb i Finne (Voss 43) i Vangen sokn på Voss til «laustnar hino helgho Jorsalalande». Vidare gjev han pengegåver til [dom]kyrkja, kannikane, Mariakyrkja, Olavskyrkja og Martinskyrkja i Stavanger, til kyrkja i Ulvik til vedlikehald, til kyrkja i Eidfjord til byggjearbeid, og til kyrkja i Opedal. Vidare til Bård, bror til Aslak på Lutro, til morsøstre sine Åsa

og Ingebjørg. Desse pengegåvene, i alt 10 mark brent, skal betalast av den same jorda, og dersom det vert for lite, av Torgeirs morsarv. Heile summen, i alt 16 mmb, vert overlate til biskop Kjetil av Stavanger, som skal by Torgeirs far, Magna ved sjøen, og brørne hans [i.e. Torgeirs] å innløysa innan eitt år. Dersom heller ikkje kyrkja innløyser innan same frist, skal jorda seljast i samråd med Torgeirs far, herr **Peter**. Testamentet skal vera ugyldig dersom Torgeir overlever sjukdomen sin. Då Torgeir ikkje eig segl bad han i nærvere av sira Bjørn på Torpo og Aslak Brattsson kannikane om å besegla med kapitlets segl.¹⁵⁰¹

1500. Ugulen 2004a, s. 50–52, drøftar nokre av problema. H. Bjørkvik 1997, s. 358–360, har med ein del om mellomalderslekta på Byre i Ryfylke. Øvrig litteratur er gjennomgått i Handegård 2004, særskilt kap. 7, og har fyl-dige litteraturtilvisingar til den eldre litteraturen.

1501. *DN* IV, nr. 85; *RN* III, nr. 667

Torgeir Petersson på Spåneim er son av ein herr **Peter**, det vil seia ein riddar. Kven denne herr Peter kan vera, er ikkje umiddelbart klart. Det opptrer ein Peter på Spåneim i 1293 og 1301, siste gong er han nemnt som herr Peter på Spåneim.¹⁵⁰² I 1309 er omtalt ein væpnar Peter Petersson mellom garantane til ein fredstraktat mellom Noreg og Danmark.¹⁵⁰³ Er denne væpnaren identisk med den seinare riddaren Peter Petersson (sjå nedanfor) må det vera ein eldre Peter på Spåneim som er nemnt i 1293 og 1301. Rimelegvis er då Torgeir Petersson ein son av den eldre Peter på Spåneim, og bror til væpnaren frå 1309. Torgeir seier sjølv at han har fleire brør. Interessant er det også at vi får moment som tyder på eit samband til ætta på Finne på Voss, ettersom Torgeir Petersson testamenterer bort jordegods i denne garden. På Finne møter vi mellom 1303 og 1320 ein Peter, med sønene Gudbrand og Orm (sjå s. 208). I dette testamentet får vi også vita at morsøstre til Torgeir Petersson heitte Åsa og Ingebjørg, men kva mora heitte seier ikkje brevet noko om. Elles kan ein jo merka seg at Torgeir Petersson også testamenterer verdiar til Det heilage landet, noko som kan vera med på å indikera eit ættesamband bakover til den noko ufrivillige pilgrimen Ogmund frå Spåneim.¹⁵⁰⁴ Kven dei andre brørne til Torgeir Petersson var er uvisst, men ein kan ikkje utelukka at det er den herr Ogmund Petersson og bror hans, Ingemund, som medseglar eit gåvebrev frå Sigurd Ormsson på Randa i 1318.¹⁵⁰⁵ Brevet er truleg utferda i Rogaland. Ogmund Petersson har truleg vore riddar skal ein dømme etter herretittelen, og er neppe identisk med den Ogmund i Byre som er nemnt i 1302, ettersom dei har forskjellige våpen i segla sine, sjølv om det ikkje er uhøyrst at ein person kan nytta to forskjellige våpensegl i løpet av levetida si. Rimelegvis er Ogmund i Byre farbror til denne brødrekrisen (sjå nedanfor under Peter Petersson). Ein kan elles merka seg at Ogmund og Ingemund også har forskjellige våpen i sine segl i 1318. Ein Bård Petersson som i 1312 (sjå sak 460) er medutferdar av eit brev på Lekve i Ulvik er kan henda også ein bror. Han er gulatingslagmann i tida 1325–1330.¹⁵⁰⁶

SAK 479: 20. desember 1316, Bergen: Makeskiftebrev utferda av biskop Audfinn i Bergen. Abbed Einar i Munkeliv og konventet hans har gjort makeskifte med herr **Peter Petersson**, slik at Munkeliv gjev til herr Peter 10 mmb i Vambeim (Ulv 70) i Ulvik sokn, mot å få 11 mmb i Bakka (Jon 9) i Jondal sokn.¹⁵⁰⁷

1502. DN IV, nr. 6, og RN II, nr. 725 (1293); DN II, nr. 64, og RN III, nr. 29 (1301).

1503. DN IX, nr. 82; RN III, nr. 595.

1504. HHS, s. 75; HHV*igf*, kap. 81, s. 70–71.

1505. DN II, nr. 131.

1506. Jf. P. A. Munch 1862, s. 397; K. Helle 1982, s. 564.

1507. DN XII, nr. 52; RN III, nr. 1000

30. desember 1316, [Bergen]: Kunngjering frå **Peter Petersson** på Spåneim (Ulv 66). Han og abbed Einar i Munkeliv har gjort avtale om at Munkeliv skal eiga skogen og alle lunnende som høyrer til Bakka (Jon 9), med unnatak for saltkokingskjelen som abbeden skal kunna kjøpa når han vil, etter taksering frå gode menn.¹⁵⁰⁸

Herr **Peter Petersson** på Spåneim her er rimelegvis identisk med væpnaren Peter Petersson frå 1309 (sjå ovanfor). Han, eller kan henda faren, er truleg også identisk med den herr Peter som etter *BK* gav 1 mmb i Espeland (Gra 99) til årtidhald for seg til presten i Ulvik, og den herr Peter Petersson som gav 1 ½ mmb i ytste tunet i Djonno (Ull 126–128) til kyrkja i Ulvik.¹⁵⁰⁹ I 1312 er ein Peter Petersson medutferdar av eit brev på Lekve i Ulvik (sjå sak 460), og den 11. desember 1316 er herr Peter Petersson mellom dei som samtykkjer i og medseglar eit domsbrev i Bergen.¹⁵¹⁰ I september 1324 er han også medutferdar av eit brev i Bergen,¹⁵¹¹ og i desember same år ser det ut til at han er systemann i Hardanger.¹⁵¹² Den 24. mars 1330 er han i Stavanger då han selde odelen sin i Byre og Sandanger til brødrungen sin Arnbjørn Ogmundsson på Byre.¹⁵¹³ Arnbjørn må vera son av den Ogmund i Byre som er nemnt i 1302 (sjå ovanfor under Torgeir Petersson). I saka nedanfor kjem det fram at Peter Petersson var gift med ei Sunniva Brynjulvsdotter, og at han hadde tilnamnet «grafur». Etter 1332 kan eg ikkje sjå at han er nemnt i kjeldene.

SAK 480: 13. september 1332, Bergen: Forliksbrev frå [herr] **Peter Petersson** [«grafur»]. Han var same dag saman med kona si **Sunniva Brynjulvsdotter** i «Hofdin» i Bergen, der han gjorde forlik med **Trond Eiriksson** og hans kone fru **Ingebjørg**, i nærvere av Trond [Krakeson] lagmann, vedrørande det godset som fru Ingebjørg skulle ha frå sin [tidlegare] mann herr **Sveins** gard. Peter og kona hans betalte då til Trond og Ingebjørg 10 mmb i Kvia (Nærbø 19) i Rygjafylke, 100 alen vadmål og 2 øre i pengar, samt at dei skal ha 6 laupar smør til sommaren, og landskylda av jorda frå og med i fjor.¹⁵¹⁴

Sunniva Brynjulvsdotter er kona til herr Peter Petersson. Ho er nemnt med fruetittel i 1328, då ho er sagt å ha vore til stades ved takseringa av godset til fru Margreta i Bergen.¹⁵¹⁵ Ho må ha vore søster til riddaren Svein Brynjulvsson, som er handsama nedanfor. Kven desse to var born av er

1508. *DN* XII, nr. 53; *RN* III, nr. 1002

1509. *BK*, pag. 95a.

1510. *DN* I, nr. 148; *RN* III, nr. 999.

1511. *DN* VII, nr. 101; *RN* IV, nr. 300.

1512. *DN* XV, nr. 9; *RN* IV, nr. 316.

1513. *DN* VI, nr. 134; *RN* IV, nr. 732.

1514. *DN* V nr. 92; *RN* IV, nr. 898 og 899

1515. *DN* II, nr. 165; *RN* IV, nr. 611.

uklårt, men det har neppe vore Brynjulv på Aga slik P. A. Munch meinte.¹⁵¹⁶ Kan henda er det riddaren Brynjulv Storm som er mellom garantane ved fredsavtalen i 1309.¹⁵¹⁷

Trond Eiriksson og kona hans, fru **Ingebjørg**, er handsama nedanfor saman med Svein Brynjulvsson.

SAK 481: 2. juni 1316, Bergen: Salsbrev frå **Svein Brynjulvsson**. Han har selt til abbed Einar i Munkeliv og hans konvent 3 mmb i Råen (Vikøy 36) i Øystese sokn, og 3 mmb i Trå (Jon 6–7) i Samland herad, for 9 mark brent, med innløysingsrett etter 5 år.¹⁵¹⁸

17. juni 1317: Salsbrev frå **Svein Brynjulvsson**. Han har selt til Munkeliv kloster 3 månadsmatleiger i Råen (Vikøy 36) og 3 månadsmatleiger i Trå (Jon 6–7) i Hardanger for 27 forngilde mark. Vidare sel han 7 mmb meir i Trå for 11 mark brent og 10 brende ørtugar i gode engelske pengar, og med rett til innløysing når han vil.¹⁵¹⁹

15. august 1317, [Bergen?]: Salsbrev frå **Svein Brynjulvsson**. Han har selt til abbed Einar og brørne i Munkeliv 5 mmb i Tveit (Ull 10) i Odda, for 8 mark og 1 øre brent i gode engelske pengar, med rett til innløysing når han vil.¹⁵²⁰

20. desember 1318: Salsbrev frå **Svein Brynjulvsson**. Han har selt til abbed Einar og brørne i Munkeliv 3 mmb i «Kexiskor» [i Kinsarvik], for 4 ½ vegne mark per mmb.¹⁵²¹

Svein Brynjulvsson er omtalt i fortid med herretittel i eit brev frå 1325 vedrørande ein tvist om garden Tveit i Odda (sjå sak 523). Truleg var han død då. Ut over dei fire breva som utgjer denne saka, er det rimelegvis den same herr Svein som kring 1310 hadde stemna ein Lodin Reidarsson for at han skulle vitna i ei sak om ein husbrann på Gol i Hallingdal.¹⁵²² Truleg har Svein Brynjulvsson då vore syslemann i Hallingdal.

Fru **Ingebjørg**, kona hans, meinte P. A. Munch måtte vera ei dotter av riddaren Peter på Edøy,¹⁵²³ noko som ikkje er umogleg, ettersom ein veit at herr Peter på Edøy hadde ei dotter som er omtalt som fru Ingebjørg i 1329.¹⁵²⁴ Andre mannen hennar, **Trond Eiriksson**, opptrer forutan i 1332-brevet ovanfor, også i eit brev frå 1333, der domkapitlet og kannikane i Nidaros fortel til sira Einar på Tingvoll på Nordmøre, at dei har høyrte rykter om at Trond Eiriksson vil reisa påtale i sam-

1516. P. A. Munch 1862, s. 396.

1517. DN IX, nr. 82; RN III, nr. 595.

1518. DN XII, nr. 51; RN III, nr. 964.

1519. DN XII, nr. 54; RN III, nr. 1018.

1520. DN XII, nr. 55; RN III, nr. 1035.

1521. DN XII, nr. 56; RN III, nr. 1085.

1522. DN V, nr. 54; RN III, nr. 694.

1523. P. A. Munch 1862, s. 396.

1524. DN II, nr. 172; RN IV, nr. 684 og 685.

band med herr Sigurd Jatgeirssons testamentariske gåve til domkyrkja i Nidaros.¹⁵²⁵ Sigurd Jatgeirsson var gift første gong med Isabella Petersdotter, dotter av baronen Peter Andresson, som hadde store eigedomar på Nordmøre.¹⁵²⁶ Spørsmålet er då om ikkje det er vel så sannsynleg at denne fru Ingebjørg er ei søster av Isabella og dermed også ei dotter av Peter Andresson. Tilknytninga til aristokratiet vert uansett tvillaus.


1525. *DN IV*, nr. 206; *RN IV*, nr. 986.

1526. P. A. Munch 1862, s. 403.

4.20 Kring Torsnes i Jondal og Store Brandvik på Huglo


Også dette er ein slektskrins som det har vore skriva eit utal sider om i den lokal- og slekthistoriske litteraturen.¹⁵²⁷ Ein ættlegg i brevet frå 1409 (sak 483), gjev eit oversyn over ætta, og difor ser eg det naturleg å starta med ei slektstavle med utgangspunkt i dette brevet, før eg går over til drøftinga. Heile slekta må reknast til det lågare sjiktet av aristokratiet.

Tavle 23. Torsnes-ætta (jf. òg tavle 8 på s. 236, Brynhild Sigurdsdotters slektskrins, og drøftinga i samband med den).



1527. Det beste startpunktet er tvillaust L. Hamre 1949, med supplement i Kolltveit 1953, s. 53–60 og 702–703, og Lamberg 1997. Handegård 2004, kap. 11, gjennomgår også ein del annan litteratur.

SAK 482: 10. august 1311–9. august 1312: Vitnebrev frå Torleiv Erlingsson og Peter [Pålsson] på Augastad. Dei var til stades då **Sigurd på Torsnes** på vegne av sin bror **Nikolas**, og **Sigurd på Øystese** på eigne vegne, gjekk opp grensene mellom Kalvanes og Dritvik (vel i Jondal).¹⁵²⁸



Figur 96. Til høgre er seglet til Sigurd på Torsnes frå 1329 (*NoSigV*, nr. 183). Det ser ut til å skilja seg frå våpenteikninga til venstre, henta frå eit segl frå 1306 som tilhørte Sigurd (DRA, HSS, Jakob Langebeks samlinger, XV, Segltegninger, pk. 11, gr. 33c, nr. 42). Det er prenta i L. Hamre 1949, s. 105.

Sigurd på Torsnes er etter alt å døma identisk med den Sigurd som i skiftebrevet på Noreim i 1306 er gift med ei av døtrene til Guttorm på Noreim (sjå sak 450). Han opptrer i fleire brev ved sidan av denne saka.¹⁵²⁹ I 1329 medseglar han eit domsbrev i Bergen, og frå dette brevet har ein overlevert seglet hans. Dette er også siste gong eg kan sjå at han er omtalt i diplomaterialet. I *BK* er han sagt å ha gjeve ½

mmb i Fjelltveit (forsv., Jon 36?) til presten i Jondal.¹⁵³⁰ Rimelegvis er han gift med den Sigrid på Torsnes, som i testamentet til Magnhild Kjetilsdotter frå 1326 vert tilgodesett med ei skarlaks-
kåpe.¹⁵³¹

Nikolas, bror hans, er berre kjent frå denne saka

Sigurd på Øystese er også nemnt i skiftebrevet frå Noreim i 1306, der han er mellom takstmennene, og nemnt like etter Andres på Oma (sjå kap. 4.29) men framfor menn som Jardar på Børseim¹⁵³² og Peter på Augastad (sjå s. 106). Forutan desse to breva, er han også sagt å vera til stades på Øystese i 1304 og overhørte vitneprova om setervegen til Skåleim. Også her er han nemnt etter Andres på Oma, men framfor Ivar Guttormsson på Noreim (sjå s. 329). Han må dermed også rekna til aristokratiet

1528. *DN XXI*, nr. 11; *RN III*, nr. 776

1529. Sjå Kolltveit 1953, s. 54.

1530. *BK*, pag. 99a.

1531. *DN IV*, nr. 169; *RN IV*, nr. 463.

1532. Jardar på Børseim er tillagt eit våpen med ein springande hjort, det same som Eiliv Eilivsson i Naustdal, i nokre av dei norske våpenbøkene frå slutten av 1600-talet (sjå t. d. *KB*, Thott 1895 4^{to}, nr. XXXVI, der det også står følgjande: «Jtem Jardar Jonsen paa Beringsheim hans hustru Gyrid Anfindsdaatter i Strandebarm i Sundhorlehn som hafde Kong Magni søsterdaatter og ligger sammesteds i een høg begrafven». Den siste opplysninga kan knapt vera anna enn ei lokal myte.)

SAK 483: 18. april 1409, Talgje i Ryfylke: Vitnebrev frå Viking Eiriksson, Aslak Torkjellsson, Kjetil Erlendsson, Viking Gudleiksson, Gunnar Askjellsson og Tore Sigurdsson, lagrettemenn. Dei kunngjer at dei aldri har høyrte anna frå sine foreldre eller dei eldste mennene i Varaldsøy skipreide og Jondal sokn, enn at Torsnesmennene mann etter mann, nemleg **Viking «audghe»** og **Inga** dotter hans, **Guttorm Kalvsson** son hennar, **Sigurd Guttormsson**, **Guttorm Sigurdsson**, **Sigurd Guttormsson**, **Bård** og **Guttorm Sigurdssøner**, har ått Knarrevikskogen (vel Kvi 43) i Ænes sokn og Varaldsøy skipreide i Sunnhordland, ut til Årsandgul og inn til Årvik mellom fjell og fjøre som rett odel.¹⁵³³

Slik eg har nemnt ovanfor, må heile denne slekta reknast til aristokratiet. Dei tre første generasjonane i denne ættleggen (**Viking «audghe»**, **Inga**, og **Guttorm Kalvsson**), er ikkje kjende frå andre kjelder, dersom då ikkje Guttorm Kalvsson er identisk med ein Guttorm «Jónadalr» som er nemnt mellom mennene til hertug Skule i 1240.¹⁵³⁴ Utenkjeleg er det i det minste ikkje. **Sigurd Guttormsson** er nok identisk med Sigurd på Torsnes som er omtalt ovanfor. Dei to neste generasjonane, **Guttorm Sigurdsson** og **Sigurd Guttormsson**, er heller ikkje kjende frå andre kjelder, dersom då ikkje sistnemnte er identisk med brorsonen til hustru Brynhild Sigurdsdotter (sjå s. 235) og som opptrer i eit brev på Voss i 1380 (sjå s. 250). Seglmerket hans kan tala mot dette, men på den andre sida treng ikkje ulike seglmerker seia noko om slektskap. Den siste generasjonen møter vi derimot i andre kjelder også. **Bård Sigurdsson** er handsama under neste sak, medan Guttorm Sigurdsson ikkje er omtalt direkte i andre kjelder. Likevel er det truleg Guttorm (eller den andre broren, Nikolas) som det er tenkt på i tåtten om Gottskálf Kønekesson, som omtalar farbror til Herborg og Gyrid Bårdsdøtrer, og fortel at han hadde brytekamp med ein jotne og var førar for 500 mann!¹⁵³⁵

SAK 484: 16. mai 1410, Onareim på Tysnes: Salsbrev frå **Gyrid Hallbjørnsdotter** (sjå s. 246).

Ho har selt til **Bård Sigurdsson** 4 mmb i «Girningasæter» i Vikøy kyrkjesokn i Hardanger, og fått full betaling.¹⁵³⁶

Bård Sigurdsson er nemnt første gong i denne saka, og er dessutan part i dei påfølgjande to sakene. I 1446 er han nemnt søsterson til Svein Bårdsson på Noreim (sjå sak 458). Ut over dette er det

1533. *DN XXI*, nr. 249.

1534. *HHVigf*, kap. 238, s. 229. Jf. Kolltveit 1953, s. 54.

1535. *Biskupa Sögur II*, s. 233–234: «Biskup Gottskálf Nikolásson; hans moðir var Herborg Bárðardóttir; hennar systur Gerriður, þeirra föðurbroðir sá er glímdi við jötuninn, og hafði höfuðið yfir D menn». Heile denne vesle tåtten er omsett til moderne norsk i Ugulen 1998, s. 267.

1536. *DN IV*, nr. 781.

freistande å rekna med at han er identisk med den Bård Sigurdsson som i 1425 er nemnt først mellom lagrettemennene som medutferdar eit brev i Bergen i samband med striden om Giskegodset.¹⁵³⁷ Eg kan ikkje sjå at det opptrer andre med namnet Bård Sigurdsson på denne tida. Han har etter alt å døma vore gift med hustru Gyrid Torbergsdotter som i 1452 er sagt å eiga Store Brandvik på Huglo, og som er handsama nedanfor.

SAK 485: 1411, [Bergen]: Domsbrev frå Einar Eindridesson, Gulatings og Bergens lagmann. Kom for han på lagtinget i stemnestova på Breideallmenningen **Bård** og **Nikolas Sigurdssøner**, på den eine sida, og Torstein Sigvatsson i ombod for **Jon Hallvardsson** på den andre. Torstein kjærte på Knarrevikskogen (vel Kvi 43) ut til Årsandgil og inn til Årvik. Brørne [Bård og Nikolas] førte prov på at dei åtte skogen. Torstein hadde ikkje prov, og bad brørne om nåde for å ha forbrote seg mot dei. Skogen vart tildømt brørne.¹⁵³⁸

Nikolas Sigurdsson kan eg ikkje sjå at er nemnt i andre brev enn dette. **Jon Hallvardsson** har eg heller ikkje lukkast med å finna ytterlegare opplysningar om.

SAK 486: 11. mai 1421, Torsnes i Jondal: Vitnebrev frå Olav Arnvidsson og Eirik Torgilsson, lagrettemenn i Jondal. Dei var til stades då **Bård Sigurdsson** (sjå ovanfor) og **Arnfinn Jonsson** gjorde forlik om bruken av Kvernura (ved Jon 15, men under Vikøy 11) og Arnfinnsteigen (truleg Jon 15) i Jondal sokn i Hardanger, slik at kvar skulle følgja og eiga halvta kvar.¹⁵³⁹

Arnfinn Jonsson har eg heller ikkje funne omtalt i andre kjelder, men ut frå at han etter alt å døma åtte i Kvernura, har han i det minste tilhøyrt den lokale eliten i Hardanger. Kvernura var eit glimmerskiferbrot på omlag 250.000 m² som har produsert store mengder av kvernsteinar, og det var det einaste kvernsteinsbrotet i Hardanger. Eigedomstilhøva er også uvanlege, ettersom sjølve steinbrotet ligg i Jondal, ved garden Solesnes, men tilhørte stormannsgarden Sandvin i Kvam (Vikøy). Det må såleis vera gjennom arv at den enda opp i eiga til Torsnesætta.¹⁵⁴⁰

1537. DN I, nr. 705.

1538. DN XXI, nr. 259.

1539. DN VIII, nr. 265. For plasseringa av stadane nemnte i brevet, sjå Kolltveit 1953, s. 545; G. Losnegård 2003 I, s. 389; Rygh og M. Olsen 1910, s. 514.

1540. Kolltveit 1953, s. 161–163 og 545.

SAK 487: [1. mars?] 1452, Strandebarm: Vitnebrev frå Pål Marteinson, prest i Strandebarm, Brynjulv Trondsson, Ivar og Håvard Erlendsson. Dei var til stades då **Margreta Ivarsdotter** selde til **Nikolas Ragvaldsson** .. mmb jord i «Hwitinxforse» (truleg Strb 57)¹⁵⁴¹ i Strandebarm kyrkjesokn i Varaldsøy skipreide, med hus, låvetomt, eplegarden og laksevåg, for 5 kyrlag, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁵⁴²

Margreta Ivarsdotter har eg berre funne omtalt i dette eine brevet, og ho let seg dermed ikkje identifisera nærare.

Nikolas Ragvaldsson er rimelegvis identisk med ein Nils Ragvaldsson som opptrer i Stockholm i 1446, saman med sin bror, presten Pe(te)r Ragvaldsson.¹⁵⁴³ At det er same mannen vert sannsynleggjort ved at bergensrådmannen Nils Ragvaldsson også i 1475–1476 vitjar Stockholm.¹⁵⁴⁴ Dette er elles den einaste kjelda som nemner Nils Ragvaldsson som rådmann i Bergen, men opplysninga høver godt med det sosiale sjiktet han tilhøyrrer. Kjelda frå Stockholm 1446 er den eldste kjelda som omtalar Nils Ragvaldsson, medan kjelda frå 1475/76 er den yngste. Utanom desse opptrer han som part i denne saka, samt ei sak frå 1453 nedanfor, der det kjem fram at han i 1453 truleg er busett på Store Brandvik. Rimelegvis har han overteke denne garden etter vermora, hustru Gyrid Torbergsdotter (sjå nedanfor).

SAK 488: 24. juni 1452, Landa i Fjelberg: Vitnebrev frå Øyolv Olvesson og Tjodolv Arnesson, lagrettemenn i Skåla skipreide i Kvinnherad i Sunnhordland. Dei var til stades då Eirik Eiriksson, lagrettemann i Fjelberg skipreide på Sunnhordland, og Gjertrud Eiriksdotter, mor hans, lyste for dei om Store Brandvik (Stord 2) som ligg i Huglo i Kårevik skipreide på Sunnhordland, og som hustru **Gyrid Torbergsdotter** eig. Gjertrud vitna at ho hadde budd på Store Brandvik i meir enn 50 år og var fødd der, og far hennar hadde budd der i vel 60 år, og dei hadde aldri høyrte anna enn at hagen og febeitet alltid gjekk inntil Haukanes (Stord 1) sin åker, og at dette hadde vore upåtalet inntil no av abbed Olav i Halsnøy.¹⁵⁴⁵

Hustru **Gyrid Torbergsdotter** må vera identisk med jomfru Gyrid Torbergsdotter som er omtalt i eit brev frå 1403 (sjå sak 113). Ho må ha vore gift med Bård Sigurdsson på Torsnes, ettersom det

1541. Koltveit og Næss 1947, bd. 1, s. 106, og bd. 2, s. 351–352.

1542. DN XV, nr. 79.

1543. DN XVI, nr. 154; jf. Lamberg 1997, s. 185.

1544. Lamberg 1997, s. 184. Kjeldene er *Stockholms stads tänkeböcker*, bd. I (Stockholm, 1917), s. 39 og 42–43, samt *Stockholms stads jordeböcker*, bd. 2, nr. 829.

1545. DN X, nr. 207; jf. dessutan DN, X, nr. 206, som vedrører same sak.

ser ut til at Nikolas Ragvaldsson, som var gift med dottera til Bård, Herborg, er den som har overteke Store Brandvik i 1453 (sjå neste sak).

SAK 489: 22. mars 1453, Nes i Kvinnherad: Vitnebrev frå Gaute Jonsson og Erling Tordsson, lagrettemenn i Kvinnherad skipreide. Dei var til stades då **Nikolas Ragvaldsson** førte to vitner, Simon Jonsson og «Solde» Ormsson, på at han hadde stemna Bård Dagsson heime i stova hans på Haukanes (Stord 1) på Huglo i Sunnhordland, til førstkommande lagting, av di Nikolas meinte Bård ulovleg hadde beita og innhegna i hagen som tilhøyrrer store Brandvik (Stord 2).¹⁵⁴⁶

Nikolas Ragvaldsson er handsama ovanfor.

SAK 490: [1494], Bergen: Domsbrev frå Hans [Teiste], biskop i Bergen, Christiern Pederssøn, prost ved Apostelkyrkja, Otte Matsson, riddar og høvedsmann på Bergenhus, Erlend Frak, lagmann, Nils Jepsson, Asmund Salmundsson, Andres Eiriksson og Peter Jonsson, rådmenn i Bergen. Kom for dei beskjedeleg mann **Magnus på Tolo** og hans medinteressentar, og beskjedeleg svein **Peter Nilsson** i fullt ombod for mor si, hustru **Herborg [Bårdsdotter]**, og hennar søster **Gyrid Bårdsdotter**, om arven etter **Erling Håkonsson** (sjå s. 335) på Sandvin (Vikøy 11) og alt det godset som ligg der under. Begge partane la fram sine brev. Det vart dømt at Herborg og Gyrid og deira arvingar skulle følgja og eiga Sandvin med alt gods der under, både laust og fast. Magnus og hans medinteressentar vart dømde til aldri å reisa denne saka igjen.¹⁵⁴⁷

Magnus på Tolo er berre kjent frå dette eine brevet. Han må på eitt eller anna vis ha vore i slekt med Erling Håkonsson, men fjernare enn kva slektskapet var mellom Erling og Bårdsdøtrene frå Torsnes (sjå tavle 16 på s. 328). Korleis dette slektskapet var er uråd å seia, men det er vel rimeleg å rekna Magnus på Tolo til den lokale eliten i Hardanger.¹⁵⁴⁸

Peter Nilsson er nemnt første gong i denne saka frå 1494, og deretter i saka nedanfor. At han er omtalt som beskjedeleg svein i 1494, tyder vel framleis på at han var ugift. Frå 1504 finnest det ei innskrift på ei fjøl over døra på eit steinfjøs på Torsnes, som fortel at Peter Nilsson let mura dette fjøset i 1504.¹⁵⁴⁹ I 1519 er Peder Nilsson på Torsnes nemnt i skattemanntalet for Sunnhordland,

1546. DN XVIII, nr. 69.

1547. DN XXI, nr. 665.

1548. Gjermundsen 1957 set fram ein teori om dette. Dessutan meiner Steine 1960 og 1961 at ein Olav Magnusson som er nemnt på Steine i Steinsdalen i 1520-åra, er son til Magnus på Tolo. Jf. elles Handegård 2004, kap. 13.

1549. Kolltveit 1953, s. 57–58.

saman med tre tenarar.¹⁵⁵⁰ At ein lågadelmann opptrer i skattelistene på 1500-talet er snarare regelen enn unnataket. Dette er siste gong eg kan sjå at han er nemnt i live.

Herborg Bårdsdotter er berre kjent frå denne og neste sak. Ho var gift med Nikolas Ragvaldsson som er handsama ovanfor. Søstera **Gyrid Bårdsdotter** er også berre kjent frå desse to sakene. Ho var gift med Orm Ivarsson på Lydvo (sjå s. 294).

SAK 491: 17. april 1497, Torsnes i Jondal: Kunngjering om arveskifte frå **Gottskalk [Nilsson]**, biskop i Hólar på Island. Den 4. mars 1497 vart det gjort arveskifte mellom han sjølv på den eine sida, på vegne av si mor **Herborg Bårdsdotter** og sine brør **Peter** og **Guttorm Nilssøner**, og på den andre sida **Orm Eiriksson**, borgar i Stavanger, og **Hans Marteinsson** på Aga i ombod for **Gyrid Bårdsdotter** og hennar døtre **Ingrid, Astrid** (Orm Eirikssons hustru) og **Gudrun** (Hans Marteinssons hustru).

Gyrid fekk desse jordene: 2 laup smør 1 hud i Kaldestad (Vikøy 10), 1 laup smør i Steine (Vikøy 19), 3 spann og 1 laup salt i begge tuna i Berge (Vikøy 53) i Øystese sokn, ½ laup smør i Seim (Gra 94–95) i Granvin sokn, 1 laup smør 1 hud i neste Sekse (Ull 81), ½ laup smør i Årekvåle (Ull 99), ½ laup smør 3 mæler korn 1 bukkeskinn i øvre Børve (Ull 78–79) i Ullensvang sokn, 1 ½ laup smør 1 ½ laup vare i Instanes (Ull 146–147), ½ laup smør ½ laup vare i Sætveit (Jon 32), 1 ½ laup smør 2 huder i Store Brandvik (Stord 2), 1 ½ laup i Vinje (Voss 97–98) på Voss, ½ laup i Græe («gardene») (Voss 201), 1 pund smør i Holven (vel Gra 96), 1 spann smør i Røyrvik (Strb 71), 1 spann i Tveit (Vikøy 76) i «vluika», 1 ½ laup smør i Neseim (Vats 114) i Ryfylke, 1 laup smør i Håland (Vikedal 25–26), 1 laup i øydedgarden som ligg i «odhen» (Vikeb 24), halve Torsnes (Jon 36), halve Sandvin (Vikøy 11) og halve Haugo (Jon 30). I heimanfølgje fekk Gyrid 1 mannsverk i Espeland (Jon 24), 4 mmb i Bokko (Jon 9) og 1 mmb i Øystese (Vikøy 44). Herborg fekk desse jordene: 2 laup smør 1 hud i ytre Alsåker (Ull 113–114), ½ laup smør i Mo (vel Vikøy 41), ½ laup smør i Nesthus (vel Vikøy 26), 1 laup smør 1 hud 1 pund vare i Folkedal (Gra 126–127/129), 1 laup smør 1 hud i indre Alsåker (Ull 113–114), ½ laup smør i Hauso (Ull 98), ½ laup smør 1 laup salt i Hesthammar (Ull 110), 2 laup smør 2 laup vare i Ørdal («Oldrodalen») (Eidfj 3) med øydegarden, 1 laup smør 1 hud i Mundeim (Var 7), ½ laup smør 1 spann vare i ytre tunet (Var 7), ½ laup i korn i Dale i Karmsund (vel Torvastad 12), ½ laup smør 1 hud i Fet i Uskedalen (Kvi 130–131), ½ laup i Skare (vel Ull 8?), ½ laup smør i Hallaråker (Jon 48), 1 spann i Vik (Strb 36) ved Oma, 1 spann i «kuendal» med saltverket (Ull 121?), 1 ½ laup smør i Skartveit (vel Tys 149), 1 stinn laup i Brathetland (Fister 10), Bjelland (vel Fister 7?) i Ryfylke, halve Torsnes (Jon 36), halve Sandvin (Vikøy 11) og halve Haugo (Jon 30). I heiman-

1550. NRJ II, s. 520: «Jtem Per Nielson pa Tosnes cum tribus seruis.»

følgje hadde ho fått 1 mannsverk i Dale (vel Torvastad 12) og ½ mannsverk i Folkedal (Gra 126–127/129), og det som ho eig meir i desse gardane Folkedal og Mundeim, det åtte far deira.¹⁵⁵¹

Gottskalk Nilsson (Nikolasson) vart postulert til biskop på Hólar på Island i 1496, men kom truleg ikkje ut der før i 1499. Han døydde i 1520.¹⁵⁵² **Peter Nilsson** (Nikolasson) er handsama ovanfor.



Figur 97. Seglet til Guttorm Nilsson? (DRA, HSS, Jakob Langebecks samlinger, XV, Segltegninger, pk. 7, gr. 11b, nr. 29). Dei tre liljene finn ein også hjå Sigurd på Torsnes, om enn i ei anna samansetjing. Jf. fig. 96 på s. 366.

Den tredje broren, **Guttorm Nilsson** (Nikolasson), er nemnt første gong i denne saka. I 1509 er han nemnt første gong som lagmann i Bergen, eit embete han hadde til 1539. Han hadde såleis lenger funksjonstid enn nokon annan kjent lagmann i seinmellomalderen. I åra 1526–1531 fekk han jamvel Gloppen prestegjeld i Nordfjord som eiga forlening.¹⁵⁵³ Etter 1539 kan eg ikkje sjå at han er omtalt i live. Omskrifta på seglet hans er forvirrande, men det er nok tale om rett mann. Han er tillagt eit tilsvarande våpen i dei norske våpenbøkene frå siste del av 1600-talet også.¹⁵⁵⁴

Orm Eiriksson er ættefar til den vestnorske lågadelsslekta Orm. Han opptrer første gong i 1490, då ha er nemnt nummer to av fem lagrettemenn som utferdar eit brev i Stavanger.¹⁵⁵⁵ I denne saka frå 1497 vert han kalla borgar i Stavanger, men i 1509 er han nemnt væpnar.¹⁵⁵⁶ Kor vidt dette tyder at han har vorte adla av kongen, eller om det berre er eit eksempel på manglande tittelbruk, er ikkje godt å seia. Han er også nemnt væpnar (av våpen) då han i 1512 er vitne ved biskop Eilivs testamente.¹⁵⁵⁷ Det ser også ut til at han var byfut i Stavanger i sine seinare år.¹⁵⁵⁸ I samband med skatteutskrivningane i 1519 og 1520, ser det ut til at Orm Eiriksson har vore innblanda i eitt eller anna som styresmaktene ikkje sette særskilt stor pris på, og i 1521 vart han fanga av mennene til Jørgen Hanssøn, befalingsmann på Bergenshus.¹⁵⁵⁹ Noko seinare same år vart han avretta ved henging,¹⁵⁶⁰ og kongen tok over halvta av

1551. DN XXI, nr. 672; jf. Steinnes 1961.

1552. Kolsrud 1913, s. 279.

1553. K. Helle 1982, s. 852.

1554. Jf. t. d. KB, Uldall 479 4^{to}, fol. 139^f og 179^f, nr. 159, som er erkebiskop Olav Engelbrektssons våpen, men der det er sagt at «dette førte og Guttorm Nilsen Laugmand i Bergen som af it breff er at see dat: 1518, dog findis der iche rose blant lillierne».

1555. DN IV, nr. 1008.

1556. DN I, nr. 1027.

1557. DN I, nr. 1035.

1558. L. Hamre 1998, s. 157.

lausøyret hans, samt noko jordegods på Hjaltland. Den andre helvta fekk enkja behalda.¹⁵⁶¹ Hus-
trua hans var **Astrid Ormsdotter**, dotter til Orm Ivarsson på Lydvo og Gyrid Bårdsdotter.

Hans Marteinson er berre kjent frå dette eine brevet. Han var gift med **Gudrun Ormsdotter**,
som etter alt å døma må ha vore enkje etter Torgils Vikingsson på Aga (sjå s. 308).

Ingrid Ormsdotter er omtalt tidlegare på s. 294.

1559. *NRJ* III, s. 107.

1560. *NRJ* II, s. 633.

1561. *NRJ* II, s. 564–565. Jf. dessutan Taranger 1917, s. 273–275; Benedictow 1977, s. 319–323; L. Hamre 1998, s. 157–160.

4.21 Kring Øvrabø i Fjelberg



Kart 3. Kart som viser kvar eigedomane etter Askjell Torkjellsson var plasserte.

SAK 492: 13. april 1314, Øvrabø på Borgundøy i Fjelberg: Vitne- og takseringsbrev frå abbed Eirik i Halsnøy, bror Aslak, Ingebjørg på Skjelnes, Peter på Sandvin, Gudleik i Huglo, Sigurd på Torsnes og Jon på Noreim: Dei var til stades på Øvrabø då **Torkjell bonde**, far til den avdøde **Askjell**, gav enkja hans **Ingegjerd** gods til eit verde av 62 kyrlag, som var medgifta hennar, 25 mmb som ho hadde arva etter far sin og 6 mark gull som var tilgåva hennar. Av tilgåva gav ho 2 mark brent

til gravølet etter mannen sin. Dei resterande 14 mark står i 7 mmb i Lauvikjo (Skån 114). Av dette jordegodset skal ho ha landskylda til tilgåva er betalt, og er friteken for odelssøksmål til det hender.¹⁵⁶²

7. mai 1315, Halsnøy kloster: Vitnebrev frå abbed Eirik i Halsnøy, Torgaut på Aga, Arne på Aga og Torkjell på Øvrabø: Dei var til stades då **Torkjell** gjorde rekneskap for det jordegodset han hadde forvalta for døtrene til **Askjell**, og som dei arva etter far sin, medrekna 2 mmb som Torkjell hadde kjøpt etter at far deira var død: 10 mmb i Nervik (Fjb 63), 7 mmb i Tveit (Fjb 64?), 8 mmb i Hiksaldal (Fjb 74), 6 ½ mmb i Haugaland (Fjb 84), 7 ½ mmb i Sæbø (Fjb 43), 3 mmb i Lauvikjo (Skån 114), 4 mmb i Vågen (Fjb 94–95), 1 ½ mmb i Hauge (Fjb 116–117) og 2 mmb i Stumo (Fjb 86–87). Torkjell skal ha inntektene av dette i to år framover, og for det kjøpa 5 mmb. Mellom dei som er til stades er Ingegjerd «modor møyanna».¹⁵⁶³

Det er her tale om nesten 50 mmb jordegods som **Torkjell** hadde forvalta for sonedøtrene sine, noko som må reknast som eit nokså stort jordegods all den tid far til arvelataren framleis var i live og neppe hadde gjeve frå seg alt det godset han åtte. Tilnamnet til Torkjell, bonde, er eit tilnamn som ofte vert nytta av stormenn i mellomalderen, men kjeldene er ikkje eintydige med omsyn til dette,¹⁵⁶⁴ og det er ikkje mogleg å bruka dette som indikasjon på sosial status. Storleiken på og

1562. DNI nr. 142, jf. RN III, nr. 890

1563. DNI nr. 145, jf. RN III, nr. 926

spreiinga i jordegodset er i det minste prov på at slektskrinsen her i det minste har vore ein del av den lokale eliten. Eit par andre moment kan dessutan vera med å indikera aristokratisk status. Eit brev frå 1326 viser at ætta på Finne på Voss åtte jord i to gardar som var nabogardar til to av gardane i jordegodset til **Askjell Torkjellsson**,¹⁵⁶⁵ og Finne-ætta må definitivt reknast til aristokratiet. Av gardane til Askjell var også nokre i nytid adelsgods. Dette gjeld Sæbø der ein part var med på skiftet etter Trond Benkestokk i 1570¹⁵⁶⁶ og var i eiga (rett nok bortpanta) til Magdalena Gyntersberg i 1624, medan Ove Dall på same tid åtte halvta i Hiksdal.¹⁵⁶⁷

1564. E. H. Lind 1920–1921, sp. 36, hevdar at tilnamnet som oftast peikar på kva samfunnsposisjon vedkommande berar hadde, og at det ikkje kan oppfattast som eit vanleg tilnamn. Etter mitt syn kan ikkje dette vera rett (sjå s. 73).

1565. *DN I*, nr. 186. Det er Romsa (Fjb 62), nabogarden til Nervik og Tveit, og Kjellasvik (Fjb 114), nabogarden til Hauge.


1566. *DN VI*, nr. 805.

1567. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7, jordebøkene til Magdalena Gyntersberg og Ove Dall.

4.22 Hestbø-ætta

Hestbø-ætta i Ryfylke er ei av dei slektene som på 1300-talet trygt kan karakteriserast som magnatar. Også denne slekta har vore handsama ekstensivt i den lokallhistoriske litteraturen, og i den samanhengen er det særskilt arven etter drottseten Ogmund Finnsson som har vore sentral i diskusjonen. Dei siste som har handsama dette er Halvard Bjørkvik i ein artikkel i *Ætt og Heim* 2001 og Lars Løberg i ein artikkel i *NST* 2006, men siste ord er neppe sagt i den diskusjonen.¹⁵⁶⁸ I denne avhandlinga ser eg det ikkje som naudsynt å drøfta dette problemet særskilt. Det kan likevel vera nyttig med ei slektstavle for oversynets del.

Tavle 24. Hestbø-ætta.¹⁵⁶⁹



SAK 493: 20. mars 1329: **Finn Ogmundsson** gjev Guttorm Jonsson fullmakt til å selja jordegodset hans på Hordaland.¹⁵⁷⁰

28. mars 1329, Bergen: Salsbrev frå Guttorm Jonsson, ombodsmann for herr **Finn Ogmundsson**. Han selde etter fullmakt frå herr Finn Ogmundsson, 15 mmb i Steinsland (Sam

1568. H. Bjørkvik 2002; Løberg 2006.

1569. I hovudsak etter H. Bjørkvik 2001 og 2002; Opsahl 2002a, 2003b og 2003c.


1570. *DNI*, nr. 202; *RN IV*, nr. 656.

110) og 5 mmb i Gjerde (Sam 109) i Samnanger i Sunnhordland med skog og andre lunder til **Torgeir Tovesson**, for 30 mark brente.¹⁵⁷¹

2. desember 1340: Gåvebrev frå **Finn Ogmundsson**. Han har gjeve til Munkeliv kloster 1 mmb som han eig i Råen (Vikøy 36) i Hardanger til sjelehjelp og bønehald for seg sjølv.¹⁵⁷²

Ei yngre påskrift frå tida 1450–1537 i Aslak Bolts jordebok for erkestolen i Nidaros, fortel at erkestolen eig Hillestad (Haf 63) i Hafslo sokn i ytre Folk, 20 laupsbol, samt 21 laupsbol som herr **Finn Ogmundsson** selde til erkebiskop Pål [1333–1346].¹⁵⁷³

Herr **Finn Ogmundsson** var truleg fødd kring 1290 og døydde truleg i 1343. Han var riddar og riksråd, og systemann i Bergen. Gjennom ekteskapet sitt med Gudrun Sæbjørnsdotter, dotter av baronen Sæbjørn Helgesson, må han også ha fått hand om mykje jordegods.¹⁵⁷⁴ Breva i saka ovanfor viser at han åtte jord både i Sogn, Hardanger og Sunnhordland, men rimelegvis har han også ått mykje jord i Ryfylke, truleg også andre stader.



Figur 98. Seglet til Torgeir Tovesson frå 1324 (*NoSigV*, nr. 133).

Torgeir Tovesson er nemnt første gong i 1303, og siste gong i 1329/1330. Han var kongeleg klerk og notarius, samt hirdmann,¹⁵⁷⁵ og han må dermed reknast til aristokratiet.

SAK 494: 19. september 1386: Gåvebrev frå kongens og rikets drottsete, **Ogmund Finnsson**. Han har gjeve til abbedane i Munkeliv kloster sin holme Ramsholmen [ved innseglinga til Haljem, Os 44] ved Hardsjø sør for Framnes med selleie og fiske.¹⁵⁷⁶

1571. *DN* II, nr. 169; *RN* IV, nr. 662.


1572. *DN* XII, nr. 92; *RN* V nr. 384.

1573. *ABJ*, s. 180–182.

1574. H. Bjørkvik 2001.

1575. Sjå namnregistra i *RN* III og IV, og dei regestane som er refererte til der. Han er til dømes nemnt kongens hirdmann i 1318 (*DN* II, nr. 133; *RN* III, nr. 1068).

1576. *DN* XII, nr. 116; *RN* VII, nr. 1320.



Figur 99. Segla til Ogmund Finnsson (t.h.) frå 1370 (*NoSigV*, nr. 853) og farbroren Ivar Rova Ogmundsson frå 1343–1347 (*NoSigV*, nr. 450). Det er eit godt eksempel på forskjellig våpenmerke hjå nære slektningar.

Herr **Ogmund Finnsson** var truleg fødd kring 1315, og døydde i 1388. Han var riddar og riksråd, og truleg i 1364 vart han drottsete for første gong. Han må ha fråsa seg embetet i 1370 eller 1371. I 1380 vart han på ny drottsete og leia formyndarstyret for Olav Håkonsson. Truleg

hadde han denne gongen embetet til 1386. Ogmund Finnsson var truleg systemann i Ryfylke i heile perioden 1346–1367, kan henda endå lenger, og i 1359 var han systemann i Sogn. Han åtte jordegods over store delar av Vestlandet, i Sogn, Nordhordland, Sunnhordland, Ryfylke og på Jæren, forutan også på Austlandet og Hålogaland. Truleg kring 1375 vart han gift med Katarina Knutsdotter, dotter av den svenske riddaren Knut Algotsson. Ho døydde i 1407.¹⁵⁷⁷

SAK 495: 12. juli 1423, Bergen: Vitnebrev frå Lasse Mus og Eindride Halvdansson, rådmenn i Bergen. Dei har sett og høyrte lese eit transkript av **Tore Uspakssons** domsbrev, der lagmenn og rådmenn tildømmer han all arven etter herr **Ogmund Finnsson**, både laust og fast.¹⁵⁷⁸



Figur 100. Seglet til Tore Uspaksson frå 1423 (*DN II*, nr. 674). Teikning i NRA, KA. Våpenmerket er ei pil, vel den same pila (men utan vengjene) som vi møter hjå Ogmund Finnsson (sjå ovanfor) og farfaren Ogmund Sigurdsson (*NoSigV*, nr. 20). Jf. også C. M. Munthe 1927–1928, s. 363; H. Bjørkvik 2002, s. 32, note 13.

Tore Køger Uspaksson er arvingen etter Ogmund Finnsson. Eit brev frå 1414 fortel rett nok at han skal ha sagt følgjande: «hadde far min vore ektefødd, då hadde eg vore arvingen til drottseten». Motparten hans i arvestriden var ingen ringare enn Havtoressønene.¹⁵⁷⁹ På den andre sida er brevet ovanfor frå 1423 utvetydig i at Tore Uspaksson vart tildømt arven etter Ogmund Finnsson, og same året selde han sin part i garden Pettvik i Buksnes i Lofoten til bergensrådmannen Arvid Ingjeldsson.¹⁵⁸⁰ Dette salet førte til ny strid mellom Tore Uspaksson og arvingane etter Havtoressønene.¹⁵⁸¹ Det som er det vesentlege spørsmålet frå min ståstad, er likevel kva sosial status ein skal rekna med at Tore Uspaksson hadde. Våpenmerket i seglet hans,

1577. H. Bjørkvik 2002; Opsahl 2003b.

1578. *DN II*, nr. 675.

og slektskapet til ein av dei mektigaste mennene i Noreg i siste del av 1300-talet, skulle tyda på at han må reknast til aristokratiet. På den andre sida opptre han berre i kjeldene i samband med denne saka om arven etter Ogmund Finnsson, slik at det er vanskeleg å plassera han i høve til andre personar på same tid. Difor vel eg å plassera han i eit lokalt elitesjikt snarare enn i aristokratiet.

1579. *DN I*, nr. 640; jf. H. Bjørkvik 2002, s. 13.

1580. *DN II*, nr. 674.

1581. H. Bjørkvik 2002, s. 19–20.

4.23 Kring riddaren Brynjulv Ogmundsson

SAK 496: 13. juli 1334, Bakke i Fjaler: Vitnebrev om sal frå Bjørn prest i Holmedal, Grim klerk og Lodin Sigurdsson: Dei var til stades då **Rannveig** og sønene hennar **Sigurd** og **Ivar** selde 4 mmb i Nos (Gau 103) til herr **Brynjulv Ogmundsson**, med rett til innløyning innan tre år.¹⁵⁸²

Brynjulv Ogmundsson er tvillaust identisk med han som er nemnt i ei innførslé i *BK* under kyrkja på Dale i Sunnfjord seier at presten tek 5 kyr i jordøyre som Brynjulv Ogmundsson gav for 1 ½ mmb i «Nesinn» (kan henda også dette er tale om Nos (Gau 103)).¹⁵⁸³ På bakgrunn av riddartittelen er det rimeleg å rekna med at det er den same herr Brynjulv Ogmundsson som i 1325 opptrer som sylemann i Verdal i Trøndelag,¹⁵⁸⁴ og som er mellom dei namngjevne væpnarane som garanterer fredstraktaten mellom Noreg og Danmark i 1309.¹⁵⁸⁵

Rannveig, og sønene hennar **Sigurd** og **Ivar**, har eg derimot ikkje lukkast i å identifisera nærare.

SAK 497: 1. september 1338, Kinsarvik i Ullensvang: Vitnebrev frå Narve i Kinsarvik, Arne på Aga, Torstein på Ringøy og Bård [Sveinkesson] på Kaland. I staden for sylemannen, som ikkje ville koma, var dei til stades då herr **Brynjulv Ogmundsson** klaga på **Helge Pålsson** vedrørende 3 mmb i Jordal (Ull 22) som **Einar bonde** før åtte. Helge la mellom anna fram eit vitnebrev frå Peter Askjellsson og Peter Jonsson som sa at dei var til stades då Helge Pålsson betalte Einar bonde 4 ½ mark Brent for 3 mmb i Jordal, og at sveinen deira, Jon, og Gudrun Harding var til stades. Men Gudrun hevda no at ho ikkje var til stades. Begge partane skaut saka inn under Ivar [Andresson] gulatinglagmann.¹⁵⁸⁶

Korkje **Helge Pålsson** eller **Einar bonde** har eg lukkast i å identifisera nærare. Bruken av termen bonde som tilnamn er som nemnt uråd å nytta til sosial identifikasjon, slik at det kan like gjerne vera tale om ein stormann som t. d. Einar i Hildugard (sjå kap. 4.25), som ein alminneleg «bonde». Einar i Hildugard veit vi åtte jord andre stader i Hardanger.

1582. *DN* I nr. 229; *RN* IV, nr. 1058.

1583. *BK*, pag. 23a; *BKMunch*, s. 26.

1584. *DN* III, nr. 142; jf. P. A. Munch 1862, s. 422.

1585. *DN* IX, nr. 82; *RN* III, nr. 595.

1586. *DN* V nr. 119; *RN* V nr. 166 og 167.

SAK 498: 16. november 1355, Bergen: Avhendingsbrev frå **Peter Håkonsson**: Han har gjeve attende til herr **Jon Brynjulvsson** jorda Eikenes i Dalsfjorden (Fja 42), som herr Jons far pantsette til herr **Eindrige Simonsson**. Bakpå, men yngre hand: Brev om Eikenes, 11 mmb.¹⁵⁸⁷

23. september 1358: Kvittering utferda av **Peter Håkonsson**: Herr **Jon Brynjulvsson** har innløyst frå han 7 mmb i Eikenes (Fja 42).¹⁵⁸⁸


Herr **Jon Brynjulvsson** må, slik alt Gerhard Munthe meinte, vera ein son av Brynjulv Ogmundsson.¹⁵⁸⁹ Særskilt av di både jordpartar i Nos og Eikenes

er mellom dei gardane som Erling Einarsson gjev frå seg til dottera si i 1380 (sjå sak 507). Dette gjev oss ei kopling mellom Brynjulv og Jon i jordeigedom. Truleg er han identisk med den Jon Brynjulvsson som i 1344 er nemnt

først mellom brevutferdarane av eit vitnebrev på Giske.¹⁵⁹⁰ I 1353 er han mellom dei som garanterer for Magnus Erikssons skipan om dronning Blancas morgongåvelen i Noreg.¹⁵⁹¹ Han er nemnt med herretittelen i

1356–1357 då han er mellom dei som medseglar Magnus Erikssons pantsetjingsbrev på Orust til Orm Øysteinsson.¹⁵⁹² Siste gong eg kan sjå at han er nemnt i kjeldene, er i kvitteringa frå Peter

Håkonsson ovanfor, og den islandske Gottskalksannalen fortel at herr Jon Brynjulvsson døydde i 1358.¹⁵⁹³ Ein kan gissa på at han har hatt ei dotter som vart gift med Erling Einarsson i Hildugard (sjå s. 389).



Figur 101. Seglet til Jon Brynjulvsson frå 1344 (*NøSigV*, nr. 468).

1587. *DN I* nr. 345; *RN VI*, nr. 357.

1588. *DN I* nr. 360; *RN VI*, nr. 537.


1589. G. Munthe 1836, s. 106. P. A. Munch 1862, s. 401, samt note 2 same stad, meinte at dette ikkje kunne vera rett, og at han snarare var ein etterkomar av ætta på Kvåle i Sogndal. Det er knapt ei mogleg løysing, ettersom han då ville vore mellom arvingane til Kvåle.

1590. *DN V*, nr. 171; *RN V*, nr. 699. Han er derimot neppe identisk med den Jon Brynjulvsson som i 1349 medutferdar eit vitnebrev om sal i Valdres, saman med Ulv Saksesson, systemannen i Valdres (*DN II*, nr. 303; *RN V*, nr. 1173). Denne Jon Brynjulvsson opptreir også i brev frå 1363 (*DN II*, nr. 376) og 1364 (*DN II*, nr. 378).

1591. *DN II*, nr. 319; *RN VI*, nr. 208.

1592. *DS VII*, nr. 5684c; brevtteksten er også trykt i Gillingsstam 1950, s. 391; *RN VI*, nr. 441.

1593. *LA*, s. 357.




Figur 102. Seglet til Peter Håkonsson frå 1355 (*NøSigV*, nr. 628).

Peter Håkonsson har eg berre funne omtalt i eitt brev utanom dei som er nemnt i denne saka. Det er i 1356 då han sel jorda Hustad i Hjørundfjorden på Sunnmøre, i alt 36 mmb, til Peter Sigurdsson og arvingane hans, og vedgår å ha fått betaling.¹⁵⁹⁴ Ut frå brevet frå 1355 er det likevel grunn til å rekna med at han er arvingen, eller i det minste ein av arvingane, til lagmannen Eindride Simonsson som er omhandla i det følgjande kapitlet. Dermed må også han reknast til aristokratiet.

1594. *DN* II, nr. 333; *RN* VI, nr. 417.

4.24 Eindride Simonsson lagmann

Eindride Simonsson er kjend frå åra 1308–1337. Han var riddar, og bylagmann i Bergen. Kan henda er han også identisk med ein herr Eindride som i 1299 kravde inn landskyld på Hjaltland. Han var gift med ei Helga, som ellers er ukjend. Knut Helle omtalar han jamvel som den mest «fremstående bylagmannen i Bergen i middelalderen». Truleg var setegarden hans garden Løkja (Eid 19) i Eid, og forutan i Nordfjord, åtte han jord i Bergen, i Nordhordland og på Voss.¹⁵⁹⁵ Ut over desse sakene nedanfor, fortel ei innførsle i *BK* at herr Eindride gav 2 mmb i nedre Årdalen (Dav 46) til presten på Eid til årtidhald for seg og skråsetjing.¹⁵⁹⁶



Figur 103. Seglet til lagmannen Eindride Simonsson slik det framstår mellom 1308 og 1323 (*NoSjgV*, nr. 46).

SAK 499: 3. august 1313: Vitnebrev frå Arne i Grasgarden, Tomas prest på Nesi, Baugeid på Hestnes og Ogmund «gope». Dei var til stades då **Kolbjørn** og kona hans, **Helga «Spytunsdotter»**, selde 3 ½ mmb i Hamre i Henne (Glo 46)¹⁵⁹⁷ i Nordfjord til **Eindride lagmann** for 20 øre brent og 6 kyrlag. Prisen skal auka eller minka om det viser seg at garden er i betre eller dårlegare stand enn førutsett.¹⁵⁹⁸

Kolbjørn og kona hans, **Helga «Spytunsdotter»**, er berre kjende frå dette eine brevet, og dei let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 500: [15. januar 1332], Vossevangen: Vitnebrev frå Erling, prest på Evanger, og Torstein Gjest. Dei var til stades då **Eindride Arnesson** bygsla til Alfvinn i Gjerde dei 10 mmb i Vangen (Voss 48), som han [Eindride Arnesson] og herr **Eindride [Simonsson?]** i Bergen åtte, for 3 vintrar, på villkår at han reparerer husa og tek landskylda til vederlag, og eventuelt får betalt attpå. Alfvinn skal ha rett til vidare bortbygsling av jorda.¹⁵⁹⁹

I tillegg til dei som er nemnte i testamentet til Eindride Simonsson (sak 502), må ein nok rekna **Eindride Arnesson** for ein slektning av lagmannen. Den siste setninga i brevet her viser klårt at Eindride Arnesson neppe har vore frå Voss, ettersom Alfvinn får rett til framleige av jorda. Og saman med omtalen av ein frende Arne i testamentet til Eindride Simonsson, er det med på å

1595. K. Helle 2000a.


1596. *BKMunch*, s. 17–18; *BK*, pag. 14b–15a.

1597. J. Aaland 1935b, s. 217.

1598. *DN* IV, nr. 104; *RN* III, nr. 872.

1599. *DN* XXI, nr. 47; *RN* IV, nr. 858.

sannsynleggjera eit slektskap når to tilsynelatande utanbygds menn med same førenamn eig jord i ein og same gard. Kven kan så denne Eindride Arnesson ha vore? Det er fleire moglege kandidatar med dette namnet, ein opptrer som lagrettemann i Valdres i 1324 og 1342,¹⁶⁰⁰ ein annan opptrer som vitne i ei sak i Vågå i Gudbrandsdalen i 1333.¹⁶⁰¹



Figur 104. Seglet til Eindride Arnesson frå 1338 (NoSigV, nr. 338).

Den mest sannsynlege kandidaten er likevel den Eindride Arnesson som første gong er nemnt i 1325 i eit brev frå biskop Audfinn i Bergen til erkebiskop Eiliv i Nidaros. Han er ein av to namngjevne kjøpmenn frå Trondheimen som kom frå Grønland i knarren, og som nekta å betala tiende i Bergen.¹⁶⁰² I 1328 er han mellom dei som utferdar eit brev i Nidaros om buoppgjeret etter Berdor rike,¹⁶⁰³ og i 1338 er han nemnt som nummer to av i alt seks domsmenn som utferdar eit domsbrev i kongsgarden i Nidaros i ei tvist om landskyld mellom Kristkyrkja i Nidaros og Vagleik på Lyng i Verdalen.¹⁶⁰⁴ Frå dette brevet kjenner vi også seglet hans. Det inneheld eit våpenmerke som viser eit kvalrosshovud, noko som kan indikera eit samband til Grønland. Han opptrer i 1338 i eit aristokratisk miljø, og sigillerer like etter den seinare Frostatingslagmannen Bjørn Toresson. Dette fører han inn i det same sosiale sjiktet som Eindride Simonsson må ha tilhøyrt. Identifikasjonen kan likevel ikkje slåast sikkert fast, og det vil dermed hefta noko uvisse ved den. At Eindride Arnesson likevel har tilhøyrt det same sosiale sjiktet som lagmannen Eindride Simonsson, ser eg som sannsynleg.

SAK 501: 14. eller 15. juli 1333, [Bergen?]: Salsbrev frå **Eindride Simonsson**. Han har selt til **Bård Jonsson** og **Jon Ivarsson** eit stykke jord i Bergen (med detaljar) for 15 mark gjengs mynt. Inntil kjøpesummen er betalt har dei overdrege til han 2 mmb i Homborstad (Dav 45) som han skal ha landskylda av.¹⁶⁰⁵

Ytterlegare informasjon som kan identifisera **Bård Jonsson** og **Jon Ivarsson** nærare har eg ikkje funne. Namnekombinasjonane er dessutan nokså vanlege. Bård kan tenkjast å vera identisk med ein Bård Jonsson som opptrer på Sunnmøre i 1338, men noko meir enn ei gissing vert ikkje dette.¹⁶⁰⁶ Namnekombinasjonen Bård og Jon førekjem elles ein del i Synnes-ætta på Sunnmøre

1600. DN IV, nr. 160 (1324); DN XXIII, brev dagsett 7. mai 1342 (jf. RN V, nr. 551).

1601. DN VI, nr. 143.

1602. DN VII, nr. 103; RN IV, nr. 358. Jf. Magerøy 1993, s. 115.

1603. DN V, nr. 75; RN IV, nr. 589.

1604. DN IV, nr. 231; RN V, nr. 86.

1605. DN XII, nr. 81; RN IV, nr. 976.

som ein kjenner frå starten av 1400-talet, og som kring reformasjonstida truleg må reknast til marginaladelen i Noreg.¹⁶⁰⁷

SAK 502: 6. august 1336, [Bergen]: Testamente for **Eindrige Simonsson**: Frisk på sinnet, sjuk på lekamen, vel han seg gravstad i Kristkyrkja der hans [hustru] Helga ligg, og gjev på nærare oppgjevne villkår til Kristkyrkja dei 10 mmb som kallast «Biorœyar» (Fje 50–51). Dersom han døyr i Fjordane vel han seg gravstad i Eid kyrkje, framfor sin vande plass der, og gjev for dette kyrkja 2 mmb i Årdal (Dav 46), og prestane smørleiga av 1 mmb i Hafsås (Eid 94–95) for årtidhald. Hans søster **Elin [Simonsdotter?]** får «Bœtagard» på visse villkår, ho skal mellom anna fø frendkona deira Jorunn. Til frenden sin **Torstein Ragnesson** gjev han ein del hus i Møllendal på visse villkår. Til sin frende **Arne** gjev han eit kvernhus med jord i Møllendal. Hans fattige frendar skal ha 20 kyrlag, som Olav Eiriksson og Torstein, frenden hans, skal greia ut.¹⁶⁰⁸

13. mai 1337, [Bergen]: I testamentsupplementet til **Eindrige Simonsson** er mellom anna nemnt at han gjev for gravstaden sin i Kristkyrkja 24 mmb av det han har til gode hjå biskopen.¹⁶⁰⁹

Elin [Simonsdotter?] er berre kjent frå testamentet til Eindrige, men ho må reknast til det same sjiktet som bror sin. Det same gjeld dei to frendane hans som får byeigedom av han i testamentet, **Torstein Ragnesson** og **Arne**. Sistnemnte kan tenkjast å vera far til eller son av Eindrige Arnesson ovanfor. Noko meir enn ei gissing vert likevel ikkje dette.

1606. *DN* V, nr. 124; *RN* V, nr. 194.

1607. Jf. B. J. Dale 1994.


1608. *DN* I nr. 233; *RN* IV, nr. 1194, brevet er feildatert i *DN*.

1609. *DN* I nr. 243; *RN* V nr. 13.

4.25 Kring Hildugard i Bergen

Om denne ætta er det skrive forbausande lite i litteraturen, trass i at den i førstninga av 1300-talet må reknast som ei av dei mektigaste i Noreg. Eitt av dei få vektige bidraga er gjeve av Tore H. Vigerust i ein kort artikkel i tidsskriftet *Genealogen*,¹⁶¹⁰ men eg vil ikkje utan vidare gå god for slekts-tavla der. Det er i det heile for mykje som er uklårt til at eg vågar å setja opp ei tavle over denne slektskrinsen.

SAK 503: 10. august 1308–9. august 1309: Salsbrev frå **Erling Åmundesson** og **Gudrun Torkjellsdotter**. Gudrun har, med samtykke frå sin mann **Trond**, selt til Erling 2 mmb i Hjortland (Kvi 30) for 3 merker brent, med rett til innløyning. På eigne vegne selde ho 1 ½ mmb i «Brekku» i Mauranger (Kvi 46–63) for 18 øyre brent, samt 1 mmb i Russås (Strv 103), som **Tore [Torkjellsson?]**, bror hennar, gav til **Halle**, son hennar, på Revnestranda, for 1 mark brent.¹⁶¹¹



Figur 105. Seglet til Erling Åmundesson frå 1312 (*NoSigV*, nr. 62; jf. nr. 30).

Erling Åmundesson i Hildugard er nemnt første gong i 1290-åra då han vert tilgodesett i testamentet til Aslak, son til Jon Tviskaven. Han vert då kalla herr Erling Hildason, og var alt då riddar.¹⁶¹² Han var truleg systemann i Bergen, og var mellom kong Håkon 5.s rådgjevarar gjennom mesteparten av regjeringstida hans.¹⁶¹³ Eg kan ikkje sjå at han er nemnt i live etter 1317,¹⁶¹⁴ sjølv om han rett nok er omtalt i eit brev frå kong Edward 2. av England i 1319 utan at han trong vera i live då.¹⁶¹⁵ Det vi direkte veit om jordegodset hans, er at han har ått jord i Bergen, Sunnhordland samt i Hardanger. Ei innførsle i *BK* fortel nemleg at herr Erling Hilduson gav 3 mmb i Tegland (Vikøy 46) til kyrkja i Øystese.¹⁶¹⁶

1610. Vigerust 1998.

1611. *DN* XII, nr. 43; *RN* III, nr. 606.

1612. *DN* II, nr. 45; *RN* II, nr. 996.

1613. K. Helle 1972, s. 597–598.

1614. *DN* I, nr. 150; *RN* III, nr. 1025.

1615. *DN* XIX, nr. 508; *RN* III, nr. 1128.

1616. *BK*, pag. 98a.

Gudrun Torkjellsdotter er berre kjend frå denne og den følgjande saka, og det er dermed vanskeleg å identifisera henne sikkert. Det same gjeld også mannen hennar **Trond**, bror hennar **Tore**, og sonen hennar **Halle**. Dersom bror hennar var samfedre, må han ha heitt Tore Torkjellsson, og då kan han moglegvis vera identisk med den **Tore Torkjellsson** på Onarheim som opptret i ein del brev i tidsrommet 1326–1333.¹⁶¹⁷ Dersom det er rett, kan truleg heile denne slektskrinsen også reknast til aristokratiet. Tore Torkjellsson fører våpenmerke i seglet



Figur 106. Seglet til Tore Torkjellsson på Onarheim frå tida 1326–1333 (*NøSiggV*, nr. 153).

sitt, og er busett på ein gard vi veit det budde stormenn i mellomalderen (sjå kap. 4.34). Usannsynleg er det i alle høve ikkje, ettersom jordeigedom i Kvinnherad og Strandvik er godt innanfor det området ein må rekna med at ei stormannsætt på Onarheim åtte jord. Likevel er denne identifikasjonen såpass usikker at eg vel, primært av kronologiske årsaker, å kategorisera dei med uviss sosial status.

SAK 504: 8. mars 1313: Vitnebrev frå [herr] Sæbjørn Helgesson og Trond Hallvardsson, gulatingslagmann. Dei var til stades då **Gudrun Torkjellsdotter** vedgjekk å ha selt til abbed Einar i Munkeliv 8 ½ månadsmatleige for 12 øyre brent per mmb, nemleg 6 mmb i Russås (Strv 103) og 2 ½ mmb i Balleseim (Strv 106–107), med innløyingsrett.¹⁶¹⁸


SAK 505: 18. mars 1322, Bergen(?): Vitnebrev om forlik frå Sæbjørn Helgesson, Hauk lagmann, Botolv Håkonsson og: Kom for dei **Einar Torgilsson** og **Bård iøy** vedrørande ei strid om Måkastad i Ullensvang (Ull 54), 12 mmb på 1 spann nær, som **Svein**, bror til Bård, hadde pantsett «h.....ða syni firir testamentum sit oc utfærd». Dei vart forlikte slik at Einar overlot Bård 6 mmb, som han så sjølv kjøpte attende for 12 mark brent. Etter fem år skal Bård kunne innløysa jorda igjen.¹⁶¹⁹

Korkje **Bård iøy** eller bror hans, **Svein**, har eg lukkast i å identifisera nærare.

1617. *DN I*, nr. 186 (1326); *DN X*, nr. 21, 23 og 24 (1327); *DN IV*, nr. 176 (1328), 203 og 204 (1333).

1618. *DN XII*, nr. 46; *RN III*, nr. 826.

1619. *DN I* nr. 165; *RN IV*, nr. 146.



Figur 107. Til høgre er ei teikning av eit segl som er tillagt Einar i Hildugard i 1323 av Jacob Langebek (DRA, HSS, Jakob Langebeks samlinger, XV, Segltegninger, pk. 7, gr. 11b, nr. 10a). Til venstre er seglet Einar nytta i 1324, og som ein kan sjå ikkje tilhørte Einar sjølv, men derimot Jon Kolbeinsson Falkener (*NøSigV*, nr. 134). Det må vera det same seglet som ligg til grunn for begge avteikningane.

Det kan henda mest problematiske spørsmålet med Hildugard-ætta, er kor vidt **Einar i Hildugard**, som vi berre kjenner frå åra 1320–1325 (sjå sak 516 under Talgje-ætta), er identisk med bergensrådmannen **Einar Torgilsson** som opptrer i tilsvarende miljø på nokonlunde same tid. Det vart nærast slått fast av Olaf Sollied i si tid, men utan argumentasjon. Grete Solberg gjer det same i si hovudoppgåve.¹⁶²⁰ Og eg

hellar sjølv til å vera samd med dei – det er slett ikkje usannsynleg. Diverre har vi ikkje overlevert noko segl etter Einar i Hildugard, ettersom han i 1324 nyttar seglet til Jon Kolbeinsson Falkener. Det er vidare beint fram sannsynleg at Einar i Hildugard frå 1320–1325 er identisk med **Einar**, frenden til Erling Åmundesson, frå 1312.¹⁶²¹ Men då kan han ikkje vera gift med ei dotter av Erling slik den vanlege oppfatninga har vore.¹⁶²² Er han frenden til Erling, kan han ikkje samstundes vera mågen, då dette er to omgrep som ikkje vart blanda saman. Dermed kan neppe ei søster av Bjarne Erlingsson i Giske/Bjarkøy vera gift med Erling Åmundesson, ettersom det er Einar i Hildugard som må vera inngift i Giske/Bjarkøy-ætta for at sonen Erling Einarsson skal kunna sitja med Ornes i 1380. Kan henda var Einar i Hildugard gift med Bjarnes søsterdotter Sigrid som vi kjenner frå testamentet hans (sjå s. 346 f.). Trass i uvissa vil eg difor her rekna Einar i Hildugard og Einar Torgilsson som ein og same mann. I høve til problemstillinga i avhandlinga vert skilnaden berre at det vert ein person mindre å rekna til aristokratiet.

SAK 506: 9. juni 1378, Bergen: Gåvebrev utferda av **Sigurd Havtoresson**: På vegne av seg sjølv, sonen **Håkon** (sjå s. 350) og dottera **Agnes**, har han gjeve til **Erling Einarsson** gardane Hatlevollen (Haf 91,16), Kinsedal (Haf 92), Kroken (Haf 90) og Kvåle (Sog 23), med all tilhøyrande skog.¹⁶²³

1620. O. Sollied 1926, s. 44; G. Solberg 1975, s. 127–128.

1621. *DN* I, nr. 134; *RN* III, nr. 768.

1622. Jf. Vigerust 1998, s. 25.

1623. *DN* I nr. 448; *RN* VII, nr. 738.

Med omsyn til **Sigurd Havtoresson** og borna **Håkon** og **Agnes**, er det ikkje stort å seia ut over det som er skriva i kap. 4.17. Korkje Sigurd Havtoresson eller Agnes Sigurdsdotter er handsama direkte der,¹⁶²⁴ men at dei også må reknast til aristokratiet er sjølvinnlysande.

Erling Einarsson er omtalt første gong i 1360, då han sel 20 mmb i Høyland (Høyland 33) i Gand i Rygjafylke til ein Torgils Arnbjørnsson, og i eit brev frå 1369 vedgår han å ha fått full betaling for jorda.¹⁶²⁵ Han er truleg også identisk med den Erling Einarsson som i Vik i Sogn i 1380 ei vidisse med transkript av Håkon 6. Magnussons skipan frå same år.¹⁶²⁶ Rimelegvis var han då sylemann i Sogn. Siste gong eg kan sjå at han er nemnt i kjeldene er i saka nedanfor, der dottera Ingebjørg får ein del jordegods i heimanfølgje som tyder på slektskap både til Bjarkøy-ætta (kap. 4.17) og Jon Brynjulvsson (s. 381).



Figur 108. Seglet til Erling Einarsson frå 1380 (*NoSigV*, nr. 1010).

SAK 507: 2. juni 1380, Bergen: Gåvebrev utferda av **Erling Einarsson**: Han gjev dottera si **Ingebjørg** i heimanfølgje 40 laupsbol i Saude i Sogn (Lus 53), 6 laupsbol i «Reuereitrum», 3 laupsbol i Øvrebø (Haf 75), 12 laupsbol i Kinsedal (Haf 92), 10 laupsbol i Hatlevollen (Haf 91,16), 128 laupsbol i Ornes (Haf 91), 20 laupsbol i Bakke i Fjordane (Fja 12), 7 laupsbol i ytre Kleppenes (Fja 13), 7 laupsbol i indre Kleppenes, 7 laupsbol i Eikenes (Fja 42) og 7 laupsbol i Nos (Gau 103).¹⁶²⁷

Ingebjørg Erlingsdotter er nemnt første gong i denne saka. I 1413 får fru Ingebjørg Erlingsdotter kvittering frå Helga, abbedisse i Gimsøy, og hennar konventsysster for sitt ombod med klosterets jorder i Nordlanda («wara jardher j Nordlandum»), som ho har gjort rekneskap for.¹⁶²⁸ Dette må vera tale om jordegodset i Sogn, som ser ut til å vera det einaste (med unnatak for Agder) godset som Gimsøy kloster eig nordafjells.¹⁶²⁹ Ho var gift med væpnaren, seinare riddar og riksråd, **Nikolas Sveinsson Galle** på Brunla i hans andre ekteskap.¹⁶³⁰ Nikolas er kjent frå 1376 og frametter, og



Figur 109. Seglet til Nikolas Sveinsson Galle frå 1388–1389 (*NoSigV*, nr. 1095).

1624. **Sigurd Havtoresson** er biografert i H. Bjørkvik 2004, og dottera Agnes var gift med Jon Marteinsson som er stamfar til den yngre Sørum-ætta. Dei var foreldra til Sigurd Jonsson (sjå s. 353).

1625. *DN* IV, nr. 408 og 409; *RN* VI, nr. 698 og 699 (1360); *DN* IV, nr. 487; *RN* VI, nr. 1404 (1369).

1626. *DN* II, nr. 462; *RN* VII, nr. 861.

1627. *DN* I nr. 463; *RN* VII, nr. 864.

1628. *DN* I, nr. 639.

døydde i 1398. Dottera deira, Sigrid Nikolasdotter, vart mor til første kona til Hartvig Krummedike (sjå kap. 4.52), og det var dette ekteskapet som la grunnlaget for Hartvig Krummedikes jordegods i Noreg.

SAK 508: I Aslak Bolts jordebok finnest ei innførsle om at erkestolen åtte Ænes (Kvi 64), heile eigedomen, som hustru **Brynhild Josefsdotter** (sjå s. 324) og **Holte Jonsson** selde helvta kvar av. Til garden ligg det ei fiskeelv ved garden og ei anna i Mauranger som heiter Sunde, og ei øy som heiter Sild (Kvi 65), og der er det selfangst.¹⁶³¹



Figur 110. Seglet til Holte Jonsson frå 1426 (*DN XI*, nr. 144). Teikning i NRA, KA.

Holte Jonsson er berre nemnt i live i to samtidige brev. I 1426 gjev han Eirik Bjørnsson kvittering for Tolstad i Vågå, og i 1437 vitnar to lagrettemenn at Holte Jonsson tilboud Amund Nikolasson å bygsla garden Tolstad, som Holte hadde styring over på vegne av si vermor fru Adalis Erlingsdotter.¹⁶³² I desember 1438 er han omtalt som død.¹⁶³³ Kven denne fru **Adalis Erlingsdotter** var har vore omdiskutert, men den nyaste forkinga reknar med at ho kan vera ei dotter av Erling Einarsson i Hildugard. Dette er likevel uvisst.¹⁶³⁴ Eg tek henne likevel med her. Adalis Erlings-

dotter var gift med riddaren Toralde Sigurdsson, som er kjent frå åra 1385–1397. Saman hadde dei dottera **Kristina Toraldesdotter**, kjend i kjeldene fram til 1463, og som var gift heile fire gonger. Første ekteskapet hennar var med ein elles ukjend **Svein Arnesson** (sjå også kap. 4.51 om Rike-Torstein for litt om han), andre ektemannen hennar var Holte Jonsson. Den tredje reknar Vigerust med var riddaren Hans Kruckow, og den siste var væpnaren og riksråden Herlaug Petersson.¹⁶³⁵ Dei to siste er handsama nedanfor.

1629. *RB*, s. 33–34.

1630. Vigerust 1998, s. 25. Om Nikolas Sveinsson og slekta hans, sjå Agerholt 1927.

1631. *ABJ*, s. 180–182.

1632. *DN XI*, nr. 144 (1426); *DN I*, nr. 760 (1437).

1633. *DN IV*, nr. 871. Jf. også *DN V*, nr. 683, dagsett 20. september 1439.

1634. Vigerust 1998, s. 25. Stokke 1994 hevda ho tilhørte Losna-ætta, men det vart tilbakevist av Vigerust. Jf. dessutan Stokke 1998.

1635. Vigerust 1997a, s. 8 og tavle 2 på s. 14.


SAK 509: 8. oktober 1453, Bergen: Stadfestingsbrev frå kong Christian 1. Han stadfestar herr **Hans Kruckow**, riddar, si gåve på alt sitt lause og faste gods i Noreg til Munkeliv kloster, samt at han får livbrev på Sunnfjord len, som han no har, og at Munkeliv kloster skal ha lenet i 10 år etter at han er død. Kongen gjev også Hans Kruckow skattefridom for alt hans gods. Det går også fram av brevet at Hans Kruckow aktar å busetja seg i klosteret.¹⁶³⁶



Figur 111. Seglet til Hans Kruckow frå 1445 (DN VII, nr. 427). Teikning i NRA, KA.

Herr **Hans Kruckow** er nemnt første gong i 1442, då han som riksråd medseglar kong Christoffers hyllingsakt. Han opptreir fleire gonger i kjeldene, og i 1450 vart han truleg slegen til riddar i samband med kroninga av Christian 1. i Nidaros. Siste gong han er nemnt er nettopp i dette brevet frå 1453, då han truleg er ein gammal mann ettersom han kjøper seg provent i Munkeliv, og testamenterer alt jordegodset sitt til klosteret. Det er dermed ingen grunn til å rekna med at han hadde etterkomarar.¹⁶³⁷ Ekteskapet med Kristina Toraldesdotter går ikkje nokon stad fram av kjeldene, og må stå som ei kvalifisert gissing.¹⁶³⁸

SAK 510: 9. september 1454, Mæla: Kvittering frå **Herlaug Petersson** til Sveinke Sveinsson for den skuld som han var skuldig til Herlaug på vegne av Gunnar Øysteinsson for hans overfall på Herlaugs svein Jeppe Falster og Herlaugs gard i Hardanger.¹⁶³⁹



Figur 112. Seglet til Herlaug Petersson frå 1455 (NgL2 II, nr. 62, s. 110–112). Teikning i NRA, KA.

Herlaug Petersson er også nemnt hjå Absalon Pederssøn. Han skriv at under kong Christian 1. levde mellom anna «fru Kirstene Taraldsdotter (som mand kallede Smörhette), hendes mand Herlaag Perßen, bode de paa Fit j Sogn».¹⁶⁴⁰ Herlaug var væpnar og riksråd og ser ut til å ha døydd ein gong mellom 1454 og 1459.¹⁶⁴¹ Fru Kristina overlevde

1636. DN VI, nr. 545.

1637. N. Stene 1932a, s. 140–142.

1638. Det opptreir på same tid i danske kjelder ein Hans Kruckow som var gift med Anne Barsebek av ei fynsk adelsslekt, men om dette er same mann er usikkert. Det ser ut til å ha eksistert to forskjellige slekter Kruckow, ei på Fyn og ei i Noreg. Jf. DAA 1900; N. Stene 1932a, s. 139–140. Basert på våpenmerket i seglet tilhørte den Hans Kruckow som opptreir i Noreg 1442–1453 dei «norske» Kruckow'ane.

1639. DN I, nr. 831.

1640. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 101.

1641. H. Sollied 1932, s. 291.

også han, og selde i 1460 det nordmørske Aspagodset på grunn av gjeld. Truleg døydde ho ikkje lenge etter 1463, utan livsarvingar.¹⁶⁴²

1642. Vigerust 1997a, s. 8 og tavle 2 på s. 14.


4.26 Kring Bellgarden i Bergen

Bellgarden er namnet på ein av bygardane i på Bryggen i Bergen som framleis eksisterer. Den er plassert mellom Åfjorden (i dag Jakobsfjorden) og Holmedalen, og vart truleg etter ein brann i 1476 slege saman med den førstnemnte.¹⁶⁴³

SAK 511: 20. juni 1312, Bergen: Vitnebrev frå [herr] Erling Åmundesson, Arne i Grasgarden og Eindride på Leikvin [lagmann i Bergen]: Saman med Jon Brun og Erling Breide var dei til stades [omlag 1310] då **Gudrun «Køjiv kona»** selde halve indre delen av Bellgarden i Bergen med tilliggjande tomter og bryggjekar, for 90 forngilde mark til **Orm Svarte Toresson**. Orm betalte henne straks 60 forngilde mark i ymse varer, og skulle betala resten når han kom attende frå Island. Gudruns mann **Eirik** var ikkje til stades, men samtykte seinare til handelen. Då Orm to år seinare kom attende til Bergen frå Island, betalte han dei resterande 30 forngilde mark med 13 hundre vadmål, 3 mark penningar og 3 forngilde mark, til Olav «Kæiv», mågen og ombodsmannen til Gudrun, i nærvær av dei tre utferdarane og Trond Hallvardsson.¹⁶⁴⁴

Gudrun «Køjiv kona», og mannen hennar, **Eirik**, er ikkje nemnte i andre kjelder enn denn eine. Det same gjeld Olav «Kæiv» som rimelegvis er bror til Eirik. På bakgrunn av byeigedom meiner eg likevel at dei må reknast til den lokale eliten.¹⁶⁴⁵

Orm Svarte Toresson er ved sidan av denne saka, og sak 513 nedanfor, berre omtalt i eitt anna brev. Det er då han er på Avaldsnes i 1322 og medutferdar ei innberetning til kong Magnus Eriksson vedrørande nokre tumultar på lagtinget på Avaldsnes.¹⁶⁴⁶ Han er då nemnt framfor mellom anna Peter Ogmundsson, som tilhørte slekta på Byre,¹⁶⁴⁷ og må dermed reknast til aristokratiet. Dette vert også underbygd når ein ser på seglet hans som inneheld eit våpenmerke. Han var gift med ei **Halldora** som vi berre kjenner frå sak 513 nedanfor. Ho må reknast til det same sosiale sjiktet som mannen.



Figur 113. Seglet til Orm Svarte Toresson frå 1322 (*NøSigV*, nr. 120).

1643. B. Lorentzen 1951, s. 125–129; Helle 1982, s. 708, fotografi på s. 709; Hartvedt 1994, s. 80 og 250.


1644. *DN I* nr. 134; *RN III*, nr. 768.

1645. Dette høver godt med Knut Helles vurdering av statusen hennar også, jf. Helle 2001b.

1646. *DN I*, nr. 168; *RN IV*, nr. 169.

1647. I 1332 greidde Arnbjørn Ogmundsson på Byre ut arven etter sin far herr Ogmund og si mor fru Ragnhild, mellom seg og borna etter brørne hans Peter og Olav (*DN V*, nr. 93; *RN IV*, nr. 902). Peter Ogmundsson var altså son av ein riddar.

SAK 512: 23. mai 1315, Bergen: Vitnebrev frå Arne i Grasgarden, Eindride lagmann, Olav Ivarsson, Orm Alvsson, Olav Lang, Åmunde i Drotninggarden, Åmunde Kyll, Jon Falkener og Einar i Drotninggarden: Dei var til stades i Drotninggarden då **Sigrids** bror **Sæbjørn Erlendsson** og mannen hennar **Jon** vart samde om kva sjettedel av Bellgarden ho skal arva etter far sin. Jon og Sigrid skulle ha den stova i ytre Bellgarden som er nærast sjøstova, med 2 buer og svalgang, og den stova som står over framrommet til sjøstova. Likeeins 1/6 av både sjøstova, eldhuset og ølbryggingsutstyret.¹⁶⁴⁸



Figur 114. Til venstre er seglet som Sæbjørn Erlendsson i Bellgarden nytta i 1317, og til høgre seglet til baronen Sæbjørn Helgesson frå same brevet (*NoSigV*, nr. 88 og 89). Ut frå omskrifta så vel som våpenmerket ser det ut til at begge har tilhørt baronen Sæbjørn Helgesson, noko som tyder at Sæbjørn Erlendsson må ha lånt seglet frå han.

Sæbjørn Erlendsson har eg berre funne omtalt i denne og den påfølgjande saka, og han ser ut til å ha arva to sjettedelar i ytre Bellgarden.¹⁶⁴⁹ Saman med at han er ser ut til å vera ombodsmann for Halldoras og Orm Svartes born, og det at han eig hus i byen og jord i Sogn (neste sak), tyder på at han må reknast til aristokratiet også. Dette vert understreka ved at han lånar seglet til baronen Sæbjørn Helgesson, som kan henda var ein slektning.

Sigrid [Erlendsdotter] og mannen hennar, **Jon**, har eg ikkje lukkast i å finna meir informasjon om, men dei må reknast til det same sosiale sjiktet som bror hennar, Sæbjørn Erlendsson.

SAK 513: 12. juli 1317, [Bergen?]: Vitnebrev frå Sæbjørn Helgesson, Erling Åmundesson og Torkjell Ormsson prest: Dei var til stades då Sæbjørn bonde i Bellgarden vedgjekk at han hadde i varetakt for **Halldora** og hennar born med **Orm Svarte** 6 mark gull i lausøyre, 156 mark i handelsvarer, 23 ½ mark som var Orms uteståande fordringar, 2 mmb i «Hialmum» i Fresvik i Sogn og halve indre Bellgarden med ølbryggingsutstyr. Av dette tilhørte 150 mark Halldora. Sæbjørn har også gjeve Halldora 5 mark gull i tilgåve og sett ytre Bellgarden i pant. Besegla av utferdarane og Sæbjørn bonde.¹⁶⁵⁰

1648. *DNI* nr. 146, jf. *RN III*, nr. 928.

1649. Det er tale om ein sjettedel i Bellgarden som Sigrid skal ha. Etersom bror tek dobbelt så mykje arv som søster, har truleg Sæbjørn sjølv arva to sjettedelar. Dersom heile ytre Bellgarden var ått av far deira, må det dessutan ha vore ein bror og ei søster til forutan Sæbjørn og Sigrid. Men det kan godt vera at far deira berre åtte halve garden.

1650. *DNI* nr. 150, jf. *RN III*, nr. 1025.

Halldora har eg omtalt saman med mannen **Orm Svarte** ovanfor. Kva for ein gard «Hiallum» i Fresvik sokn er, har det ikkje vore mogleg å finna ut.¹⁶⁵¹

1651. Rygh og A. Kjær 1919, s. 135. Presten i Fresvik eig i følgje BK 1 mmb i «Hiaullmu» (BK, pag. 46a), men eg kan ikkje sjå at ein kan identifisera denne parten i det etterreformatoriske oversynet over jordegodset til presten i Leikanger (NKJ III, s. 137–138).

4.27 Kring Dale og Ottum i Luster

SAK 514: [10. august 1318–8. mai 1319], Alme: Vitnebrev frå presten Atle i Jostedalen og Eindride på Ottum: Mellom anna vitnar Bothild i Krokagjelet at **Josef på Myrland** gav si dotterdotter **Valgjerd** 8 mmb i Ottum (Lus 28), og Asbjørn på Kruna og sonen Hermund vitna at Josef også ga Valgerd jord i Fredrikshusa.¹⁶⁵²

25. juli 1323: Vitnebrev frå Tord, abbed ved Jonskyrkja i Bergen, Svein klerk og Pål på «Lydhi». Dei var til stades då **Eindride Jonsson** selde til herr Ivar, abbed i Munkeliv, og klosteret 12 månadsmatleiger i Unneland (Haus 92) i Strindarfjorden, for 18 merker brent, med innløysingssrett etter 6 vintrar.¹⁶⁵³

5. mai 1324, [i Dale i Luster]: Det kjem fram opplysningar i ei innberetning om forlik mellom eigarane av Dale (Lus 44) og Ottum (Lus 28) om bruken av Uppdalen. På den eine sida møtte sira Arne, prest på Dale, på kyrkjyas vegne, **Bård Raude** for seg, **Arnfinn Arnesson** for seg og sin bror **Tjost**; desse tre møtte også for alle andre som åtte jord i Dale. På andre sida møtte **Karlshovud i Kaupanger** for 23 mmb i indre Ottum, **Sigurd Josefsson** for 8 mmb og for sin brorsons 4 mmb, **Valtjov** for 6 mmb, **Eindride Jonsson** for Apostelkyrkjas 6 mmb og for sine egne 24 mmb i ytre Ottum, og **Andres bonde på Sage** for sine sonebarns 24 mmb i same garden.¹⁶⁵⁴

Josef på Myrland er er truleg også identisk med den **Josef bonde** som etter *BK* gav 1 laup i Skagen i Rønnei (Lus 88) til presten i Jostedal.¹⁶⁵⁵ Truleg er Josef på «Myrland» far til Sigurd og Erling Josefssøner, og kan henda var **Karlshovud i Kaupanger** gift med **Valgjerd**, eller kan henda med ei søster av Sigurd og Erling, og var dermed moglegvis far til Valgjerd. Dei 8 mmb i Ottum som Valgjerd fekk, truleg i Indre Ottum, kan ikkje sjåast å finnast andre stader enn nettopp hjå Karlshovud i 1324. Karlshovud i Kaupanger er etter alt å døma dessutan far til lagmannen Josef Karlshovudsson og dermed truleg morfar til hustru Brynhild Josefsdotter (sjå s. 324), og ei kopling til folka på Ottum er ikkje usannsynleg når ein ser på namneforekomstane.¹⁶⁵⁶ Eg vil i alle høve rekna Josef og Valgjerd til den lokale eliten i Sogn.

1652. *DN* I, nr. 432; *RN* III, nr. 1115, feildatert til 1374–1375 i *DN*.

1653. *DN* XII, nr. 63; *RN* IV, nr. 229.

1654. *DN* I, nr. 174, jf. *RN* IV, nr. 284.

1655. *BK*, pag. 36a; *BKMunch*, s. 39.

1656. Y. Nielsen 1880b, s. 45, meiner også at Karlshovud var gift med ei søster av Sigurd og Erling Josefssøner, sjølv om han ved ein lapsus skriv at Josef Karlshovudsson truleg var oppkalla etter si mormor(!) – men tvillaust meiner han morfar.

Til denne saka er det også naudsynt å referera eit brev dagsett 9. oktober 1322. Det fortel at Arnfinn Arnsson og motparten hans Eindride [Jonsson] på Ottum førte vitner om veg- og seterrettar i Uppdalen i Luster. Mellom anna kjem det fram at ingen Ottumsmenn hadde setra på «Marstakka[r]» før Andres på Ottum for 30 år sidan (kring 1292) fekk lov av Dalsmennene, eller på Gjeli før Erling Josefsson, som då budde på Indre Ottum, fekk lov av presten på Dale for eitt år. Arnfinns motpartar Eindride på Ottum, Sigurd Josefsson, Andres på Ottum, Egil og Helge, var møtt fram på stemnet, og likeeins Karlshovud [i Kaupanger].¹⁶⁵⁷

Andres bonde på Sage frå 1324-brevet er truleg identisk med **Andres på Ottum** frå 1322-brevet, og **Erling Josefsson** frå 1322-brevet, men som ser ut til å vera død då, må vera far til Sigurd Josefssons brorborn i 1324. **Valtjov** i 1324 må helst ha eit samband til **Egil** og **Helge** frå 1322, men desse er elles heilt ukjende. **Bård Raude**, som eig ein part i Dale i 1324, er også ukjent.

Sigurd Josefsson opptreir elles to gonger som brevutferdar. Første gong i 1331, og andre gong i 1333, og begge breva omhandlar sal av jord i Kvam i Hafslo. Frå eitt av desse breva¹⁶⁵⁸ har ein også overlevert seglet hans, som er nok ein indikasjon på at han har tilhøyrt aristokratiet. Det inneheld eit våpenmerke med eit trekanta skjold med ei mot heraldisk venstre oppspringande løve.



Figur 115. Seglet til Sigurd Josefsson frå 1331 eller 1333 (*NoSigV*, nr. 204).

Med omsyn til **Eindride Jonsson på Ottum** er truleg også identisk med den Eindride Jonsson som i 1323, selde 12 månadsmatleiger i Unneland (Haus 92) i Strindarfjorden til herr Ivar, abbed i Munkeliv. Usannsynleg er det i alle høve ikkje, ettersom han i 1324 opptreir som ombodsmann for Apostelkyrkja i Bergen, er ein indikasjon på at han truleg kan reknast til aristokratiet. Ein skulle dermed venta at han eig jord utanfor det reint lokale området.

1657. *DN* II, nr. 146; *RN* IV, nr. 184.

1658. *DN* I, nr. 214, og *RN* IV, nr. 814 (1331); *DN* I, nr. 222, og *RN* IV, nr. 938 (1333). Jf. *NoSigV*, nr. 204, der det vert fortalt at teikninga er frå eit laust segl i «Oldnordisk Museums Archiv» i København, og at det visstnok har tilhøyrt eitt av desse to breva.



Figur 116. Seglet til Arnfinn Arnesson på Dale slik det var i åra 1337–1340 (NoSigV, nr. 334).

Også motparten til Eindride Jonsson frå 1322 og 1324, **Arnfinn Arnesson på Dale**, har meir enn lokal tilknytning. Han opptrer som rådmann i Bergen i 1337 og 1340, samt at han utferdar eit anna vitnebrev i 1338 saman med mellom anna rådmannen Bård på Hjartåker.¹⁶⁵⁹ Seglet hans heng ved alle desse tre breva, og inneheld eit våpenmerke med eit trekanta kløyvd skjold,

med det som truleg er ei halv rose i det høgre feltet og ei halv lilje i det venstre.¹⁶⁶⁰ Grete Solberg skriv at Arnfinn Arnesson i 1337 ikkje sikkert kan identifiserast med Arnfinn på Dale i 1338 og 1340 ettersom «vi ikke har segl som kan hjelpe oss å identifisere»,¹⁶⁶¹ men dette er ikkje rett. Omskrifta viser klart at Arnfinn på Dale i 1338 og 1340 heitte Arnfinn Arnesson (S' ANFINNI * F: ARNONI), og ettersom Arnfinn Arnesson frå 1322 og 1324 eig jord i Dale i Luster, er det høgst sannsynleg at det er tale om same mann i alle breva mellom 1322 og 1340. Bror til Arnfinn, **Tjost [Arnesson]**, er berre kjent frå 1324-brevet. Både våpenføring og miljøet han opptrer i, sannsynleggjer at Arnfinn har tilhøyrt aristokratiet.


1659. DN II, nr. 223, RN V, nr. 43 (1337); DN I, nr. 251, RN V, nr. 133 (1338); DN V, nr. 142, RN V, nr. 358 (1340).

1660. NoSigV, nr. 334.

1661. G. Solberg 1975, s. 139 og 140–141.

4.28 Talgje i Ryfylke

Talgje-ætta er også mellom dei slektene som er nokså ekstensivt handsama i den lokal- og slekts-historiske litteraturen. Dei siste tilskota til diskusjonen kring ætta har vore nokre artiklar av Lars Løberg og Halvard Bjørkvik i *Norsk Slekthistorisk Tidsskrift* og *Ætt og Heim*.¹⁶⁶²



Figur 117. Mellom dei mange interessante momenta med ætta på Talgje, er ulikskapen i våpenføringa til tre av dei manlege slektsmedlemmane. Frå venstre er Gaute Erlingssons våpenmerke frå 1287 i Hallvard Trættebergs avteikning (Trætteberg 1967, s. 48; jf. Vigerust 2000, s. 11–12, og seglteikninga av seglet frå 1288 i *NoSigV*, nr. 3). I midten er sonen Isak Gautessons våpenmerke, også den frå Trætteberg 1967, s. 48 (jf. Vigerust 2000). Til høgre er sonesonen Gaute Isakssons segl frå 1313 (*NoSigV*, nr. 66). Som ein kan sjå fører alle tre forskjellige våpenmerker. Jf. dessutan L. Løberg 2000a, s. 165.

SAK 515: [før hausten 1288]: Testamente for **Gaute [Erlingsson]** i Talgje: Mellom gåvene er ei til vikaren ved Mariakyrkja i Bergen, som får 1 mmb i Tveit på Hålandsnes i Njardarlog (Tys 40).¹⁶⁶³

Gaute Erlingsson var baron, og er den første mannen vi kjenner frå denne ætta. Han vart drepen ved våde hausten 1288 av riddaren Hallvard av Høre.¹⁶⁶⁴

SAK 516: 7. mars 1320 [Aust-Agder?]: Gåvebrev frå **Gaute Isaksson** og **Ingebjørg Jonsdotter**: Då **Reidar Dagfinnsson** trulova seg med jomfru **Sigrid [Aslaksdotter]**, gav Gaute honom til gifting 15 mmb i Hallanger (Ulv 80) i Ulvik i Hardanger og i tillegg gods taksert til 60 mark. Dette skal falla tilbake dersom dei ikkje får barn saman. Ingebjørg gav Reidar 20 mmb i same garden. Gjevarane kan løysa jorda attende med anna jordegods eller med 4 kyrlag per mmb. For Sigrids tilgåve vert det stilt sikring i Brøholt i Vika (truleg i Stokke) for det Reidar ikkje kan dekkja med eige gods.¹⁶⁶⁵

1662. L. Løberg 2000a og 2000b; H. Bjørkvik 2000d og 2002.

1663. *DN* II, nr. 24; *RN* II, nr. 507.

1664. «Árna saga biskups», kap. CXXXVI, s. 189: «Þetta haust var Gauti í Tólgu lagðr með knífi til bana. Þat vann herra Hallvarðr af Hqrðu ok vildi lagit hafa annan mann. Nokkoru síðar tók Ísak, son Gauta, Hallvarð ór Svithunskirkju ok lét hálshoggva; fyrir þat varð hann útlægr.» *LA*, s. 71, har 1289 som året for desse hendingane. Jf. E. Bull 1929; K. Helle 1972, s. 584. Hallvard av Høre er truleg heimehøyrande i Valdres.

1665. *DN* I nr. 160; *RN* IV, nr. 21.

29. mai 1325, Bergen: Domsbrev frå Guttorm Kolbjørnsson, lagmann i kongsgarden: **Reidar Dagfinnsson** klaga over at **Einar i Hildugard** sat med 20 mmb i Hallanger i Ulvik, som Reidar hadde fått til gifting av herr **Gaute Isaksson** og fru **Ingebjørg Jonsdotter**, då han tru-lova seg med jomfru **Sigrid Aslaksdotter**. Reidar la fram brevet på det. Einar la fram eit brev dagsett 20 desember 1320 der herr Gaute og fru Ingebjørg sel 20 mmb i Hallanger til han. Godset vart tildømt Reidar, dersom det ikkje kunne prøvast at den var innløyst, ettersom han hadde fått jorda før den vart selt til Einar.¹⁶⁶⁶

Gaute Isaksson var riddar, og soneson av Gaute Erlingsson. Han er nemnt i live i kjeldene i perioden 1313–1322, og er rimelegvis død i 1325 når det siste brevet i saka ovanfor vert utferda.¹⁶⁶⁷ Han var gift med **Ingebjørg Jonsdotter** av Mel-ætta (jf. dessutan s. 341).

Reidar Dagfinnsson og **Sigrid Aslaksdotter** må også reknast til aristokratiet. Sigrid er kalla jomfru i 1320, og dei får jordegods i giftingsgåve frå Gaute Isaksson, noko som kan tyda på at ein av dei var i slekt med han. Dei er berre omtalte i eitt anna brev frå mellomalderen. Det er i 1329, og då er Reidar død, og omhandlar ei strid om garden Brøholt, truleg i Stokke i Vestfold.¹⁶⁶⁸

Einar i Hildugard er handsama tidlegare (sjå s. 388).

1666. *DNI* nr. 180; *RN IV*, nr. 83 og 342.

1667. Jf. Ugulen 2004b, s. 295–297.


1668. *DNI*, nr. 201; *RN IV*, nr. 658.

4.29 Riddaren Ivar på Oma og lagmannen Ivar Andresson

SAK 517: [omlag 1320], [Strandebarm²]: Kunngjering frå Åne på, Torgrimsson, Jardar på Børseim og Hånev i «Fas....» Dei har skifta Oma (Strb 38–39) mellom **Ivar** og **Kolbein**.¹⁶⁶⁹

Dette brevet er stygt skadd, og innhaldet i det er til dels kryptisk. Men ein kan altså lesa at garden Oma er skifta mellom **Ivar** og **Kolbein**. Det opptrer ein Andres på Oma som vitne i 1304 og 1306, og begge stader er han nemnt først mellom dei verdslege vitna, noko som indikerer høg sosial status.¹⁶⁷⁰ Opplysningar i *BK* nemner at ei Inga på Moberg (Os 51–52) skulda 3 kyr til prestebolet på Herdla, samt at ho skulle svara 2 mark brent til presten på Herdla, ein for gravstaden til Bård, husbonden hennar, og ein for gravstaden til Andres på Oma.¹⁶⁷¹ Dette gjer det truleg at det er i samband med at Andres på Oma er død, at Oma vert skifta kring 1320. Kan henda var Inga ei dotter av Andres på Oma. Bård på Moberg opptrer som vitne ved eit jordsal i 1308–1309, der også han er nemnt først av vitna.¹⁶⁷²

Riddaren **Ivar på Oma** som opptrer i kjeldene frå kring 1320 til 1351, har mange rekna for å vera identisk med gulatingslagmannen og sylemannen i Bergen, **Ivar Andresson**, som opptrer i tida 1338–1348.¹⁶⁷³ Det er truleg ikkje rett, for i 1332 skal Ivar på Oma ha ført eit våpen med ei hand frå venstre som held eit oppreist sverd, og over høgre hjørnet er det ei krone.¹⁶⁷⁴ Lagmannen Ivar Andresson førte eit heilt anna våpen (fig. 118). Det ser elles ut til at biskop Håkon av Bergen ikkje hadde høge tankar om Ivar på Oma, då han i 1340 skriv til kong Magnus at han har sett kongens brev der han utnemner Håkon notarius og Ivar



Figur 118. Seglet til gulatingslagmannen Ivar Andresson frå 1338 (*NøSigV*, nr.345).

Oma til å motta rekneskap for godset til Bergen fehirdsle under oppsyn av biskopen. Biskopen vil gjerne verta friteken for dette vervet, og trur heller ikkje at Ivar bonde er eigna til det.¹⁶⁷⁵ I 1351 kjem det fram at kona til Ivar heitte Ingrid, men noko meir om henne har eg ikkje funne. Det kan

1669. *DN VIII*, nr. 70; *RN IV*, nr. 94.

1670. *DN I*, nr. 102, og *RN III*, nr. 172 (1304); *DN II*, nr. 81, og *RN III*, nr. 318 (1306).

1671. *BK*, pag. 51a–b.

1672. *DN XII*, nr. 43; *RN III*, nr. 606.

1673. Sjå namnregistra i *RN IV*, *V* og *VI*. Jf. Kolltveit og Næss 1947, bd. I, s. 101–104.

1674. *Vigerust* 1999c, s. 51.

1675. *DN VIII*, nr. 337; *RN V*, nr. 337.

sjå ut til at dei då begge låg for døden.¹⁶⁷⁶ Ivar på Oma veit vi berre åtte jord i Sunnhordland, medan dei neste to sakene viser at Ivar Andresson åtte jord i Hardanger og Nordhordland.

Kolbein, har eg ikkje lukkast å identifisera nærare, men rimelegvis var Kolbein og Ivar nærskylde, kan henda brør. Han må dermed reknast til det same sosiale sjiktet.

SAK 518: 3. november 1338, Bergen: Salsbrev frå biskop Håkon av Bergen. Med samtykke frå domkapitlet har han selt til **Ivar Andresson** [gulatingslagmann] (sjå ovanfor) alle dei tuftene som Kristkyrkja i Bergen åtte i Fatten mot Breidaallmenningen for 37 ½ mark brent. Ivar har gjeve som betaling 5 mmb i Åse (Jon 40) i Jondal sokn, 5 mmb i Rykken (Vikøy 57) i Øystese sokn, 5 mmb i ytre Alsåker (Ull 113–114) og 6 mmb i Eikeland (Kvi 33?), og skal gje meir dersom desse jordene ikkje vert takserte høgt nok til å dekkja summen.¹⁶⁷⁷

SAK 519: 3. august 1348, Bergen (2): Vitnebrev frå Pål Knutsson, gulatingslagmann, og Peter Brynjulvsson. Dei var til stades då **Eindride Asbjørnsson** selde 3 mmb i Skåldal (Haus 91) i Birkeland sokn i Nordhordland til **Ivar Andresson** (sjå ovanfor), for 1 mark brent per mmb, mot innløysingsrett. Han vedgjekk å ha fått full betaling, og stilte som garanti jord i Alsåker (Ull 113–114) i Kinsarvik sokn i Hardanger.¹⁶⁷⁸

Eindride Asbjørnsson har eg berre funne nemnt i kjeldene ein stad forutan i denne saka. Det er i 1351 då han er lagmann i Ryfylke og utferdar eit domsbrev i Stavanger.¹⁶⁷⁹ Dette plasserer han i aristokratiet.

1676. DN VII, nr. 227; RN VI, nr. 32.

1677. DN X nr. 33; RN V nr. 183.

1678. DN XII, nr. 98; RN V nr. 1069.

1679. DN III, nr. 275; RN VI, nr. 31.

4.30 Ei hirdmannsætt i Eid i Nordfjord

SAK 520: 28. april 1321, Eid i Nordfjord: Vitnebrev om odelsløysing frå Jon og Helge Simonssoner. Dei var til stades på indre Hundeide i Nordfjord då **Ogmund på Lote**, på si kone **Ingrids** vegne, førte fram søksmål mot **Eiliv Plomme** og sønene hans **Gudleik** og **Peter**. Ogmund førte odelsvitner om den jorda dei åtte i øvretunet på indre Hundeide (Eid 16), og Ingrids forfedre frå haugen av («langfædr fra haugi») vart rekna opp: Son etter far hadde **Herjolv**, **Abraham**, **Ufeig**, **Gamle**, **Tord «niotar auga»**, **Sigurd på Høynes** og **Tord hirdmann** ått denne jorda, og Tord var far til **Erling**, Ingrids far. Sidan takserte domsmennene jorda, 8 mmb, til 5 kyrlag per mmb. Sidan lét Ogmund vega opp 10 mark, 5 øre og 1 ørtug brent, og 12 mark i gjengs mynt. Kvar mark brent vart taksert til 3 kyrlag, og dei 12 mark gjengs til 8 kyrlag i alt.¹⁶⁸⁰

24. juni 1321, Gulating: Domsbrev frå Jon Bjarnesson, kongens fehirde, Hauk lagmann, Sigurd Sveinsson, Aslak Olavsson og alle lagrettemenn på Gulating. Dagen før møtte for dei på tinget **Ogmund bonde på Lote**, **Eiliv Plomme** og **Gudleik**, sonen hans. Ogmund la fram det kravet han hadde reist på si kone **Ingrids** vegne på øvretunet i indre Hundeide i Eid skipreide. Ogmund og Ingrid vart tildømt 8 mmb i indre Hundeide, mot å betala takstsummen, som Gudleik Eilivsson straks fekk av Ogmund.¹⁶⁸¹

Reknar ein omlag 25 år mellom kvar av desse generasjonane, og med at **Erling Tordsson**, far til **Ingrid Erlingsdotter** på Lote, levde kring 1300, får ein følgjande kronologi i ættleggen: **Herjolv** (fl. 1125), **Abraham** (fl. 1150), **Ufeig** (fl. 1175), **Gamle** (fl. 1200), **Tord «njótarauga»** (fl. 1225), **Sigurd på Høynes** (fl. 1250) og **Tord hirdmann** (fl. 1275). Dette gjer det mindre truleg at den **Tord Gamalsson** som i *BK* er sagt å ha gjeve 1 mmb i indre Hundeide til presten på Eid (sjå sak 189), er identisk med Tord «njótarauga», men at han har tilhøyrt same slektskrinsen er tvillaust. Det same gjeld truleg dei øvrige donatorane av jord i Hundeide til prestebolet på Eid (sjå sak 189).


Denne ættekrinsen tilhøyrrer det sjiktet som etter alt å døma dei jamne hirdmennene vart rekrutterte frå – den jordeigande eliten på bygdene. Også **Eiliv Plomme** og sønene hans må ha tilhøyrt dette sjiktet, og har truleg vore frendar til Ingrid Erlingsdotter på Lote. Mellom vitna nemnte i vitnebrevet frå 28. april 1321 er også ein Eiliv på Høynes som godt kan ha vore ein annan slektning, jf. Sigurd på Høynes som var oldefar til Ingrid på Lote. Plasseringa av Hundeide og Høynes i Eidsfjorden indikerer at denne ætta har tilhøyrt ei gruppe klientar rundt den gamle lend-

1680. *DN* III, nr. 122; *RN* IV, nr. 105.

1681. *DN* III, nr. 124; *RN* IV, nr. 117.

mannsætta på Ståreim (om denne, sjå kap. 4.18). Generasjonane fram til og med Sigurd på Høynes, samt Eiliv Plomme og sønene hans, vil eg likevel berre rekna til den lokale eliten, medan eg vil rekna Tord hirdmann og etterkomarane hans til det lågare sjiktet av aristokratiet.

Kart 4. Kart over delar av Nordfjord.



SAK 521: 28. oktober [1339], Bergen: Kvittering frå biskop Håkon av Bergen og domkapitlet hans. Dei har motteke ½ lest malt og ½ lest mjøl frå **Olav Ogmundsson** som innløysingssum for 3 mmb i Taklo (Eid 13) i Eidsfjorden i Nordfjord, som **Gudleik [Ogmundsson?]**, bror hans, gav i sitt testamente til Kristkyrkja i Bergen.¹⁶⁸²

Olav Ogmundsson og bror hans, **Gudleik**, som er nemnte i denne saka, kan godt vera søner av Ogmund på Lote og Ingrid Erlingsdotter. Garden Taklo ligg berre eit par kilometer aust for Hundelide, og er såleis i det området ein skulle venta at denne ætta åtte jord. Namnet på bror til Olav, Gudleik, indikerer dessutan at det kan ha vore eit slektskap her. At Gudleik gav jord til ei kyrkje i Bergen er også med på å understreka tilhøyrsla til eit høgare sosialt sjikt.¹⁶⁸³ Olav Ogmundsson ser dessutan ut til å ha hatt kongeleg ombod, då han truleg er identisk med den Olav Ogmundsson som 19. januar 1340 er til stades i Olden kyrkje i Innvik og får rekna opp for seg informasjon om veitsler, avtak og øydejorder i Innvik og Stryn.¹⁶⁸⁴ Det medfører at eg også reknar desse to til det lågare sjiktet av aristokratiet.

1682. DN X nr. 35; RN V nr. 252.

1683. Ein Gudleik Ogmundsson er underfehirde i Bergen i 1329 (DN XV, nr. 13; RN IV, nr. 652), og opptrer saman med ein Hallvard Ogmundsson (broren?), men om dette er same mann er uvisst.

1684. DN IX, nr. 120; RN V, nr. 281.

4.31 Lagmannen Sigvat Kolbeinsson og ætta hans

Denne slektskrinsen er tidlegare handsama i ein artikkel av Olaf Sollied i *Bergen Historiske Forenings Skrifter*, og delvis også at Grete Solberg i hovudoppgåva hennar om rådmennene i Bergen.¹⁶⁸⁵

SAK 522: 22. mai 1321: Vitnebrev frå Erlend Arnafjord og Gjøna-Bjørn. Dei var til stades då

Tove pantsette til **Sigvat Kolbeinsson** 1 mmb i Saurås (Åsa 90) for 1 mark brent.¹⁶⁸⁶

Tove har det ikkje lukkast å identifisera nærare.

Sigvat Kolbeinsson er nemnt første gong i 1309 då er er mellom utferdarane av eit vitnebrev i Bergen.¹⁶⁸⁷ Sigvat abbedsbror som oppttrer i 1313 er rimelegvis same mann.¹⁶⁸⁸ Han oppttrer fleire gonger i kjeldene fram til 1330, då eg har funne han nemnt siste gong, også då som brevutferdar av eit vitnebrev om proventgåve til Munkeliv kloster.¹⁶⁸⁹ Som lagmann på Orknøyane er han berre omtalt i 1325 (dei to påfølgjande sakene nedanfor). Han må dermed reknast til aristokratiet. Olaf Sollied reknar med at han også er bror til Jon Kolbeinsson Falkener (seglet hans er attgjeve i fig. 107 på s. 388), forutan til abbed Einar i Munkeliv († 1321) samt til Olav Lang (sjå neste sak), og vidare at han er far til Sigurd Sigvatsson, lagmann på Orknøyane i 1338, Audun Sigvatsson, vicarius ved Apostelkyrkja, og til rådmannen Gunnar Sigvatsson i Bergen. Den sistnemnte fører eit segl som er svært likt seglet til Jon Kolbeinsson Falkener. Sollied set også denne slektskrinsen i samband med slekta til biskop Bjarne Kolbeinsson (sjå s. 99).¹⁶⁹⁰ Eg ser det som rimeleg at han i det minste må vera far til Sigurd Sigvatsson lagmann,¹⁶⁹¹ men dei andre to er eg meir uvisst på. Det same gjeld brorskapet til Jon Falkener. Kor vidt han er identisk med den herr **Sigvat** som etter *BK* gav ein del jord til presten på Tønjum i Lærdal, er også uvisst (sjå sak 212).

SAK 523: 23. juni 1325, Bergen: Vitnebrev frå Guttorm Kolbjørnsson, lagmann i kongsgarden, Trond Hallvardsson, Eindride Simonsson, lagmann i Bergen, Bård Petersson, gulatingslagmann, og Kolbein Jonsson, frostatingslagmann. Abbed Ivar og bror Bodvar i Munkeliv kom for dei og klaga over at **Sigvat [Kolbeinsson]** lagmann i Orknøyane, og hans bror **Olav Lang [Kolbeinsson]**, hadde teke under seg 5 mmb i Tveit (Ull 10) i Odda kyrkjesokn i Hardanger, som abbed Einar hadde kjøpt til klosteret frå herr **Svein Brynjulvsson** (sjå s. 363).

1685. O. Sollied 1928; G. Solberg 1975.

1686. *DN* XII, nr. 58; *RN* IV, nr. 115.

1687. *DN* XII, nr. 44; *RN* III, nr. 627.

1688. *DN* XII, nr. 47; *RN* III, nr. 854.

1689. *DN* XII, nr. 76; *RN* IV, nr. 734.

1690. O. Sollied 1928, s.178–180; jf. G. Solberg 1975, s. 117–118.

1691. Clouston 1914, s. lxxii–lxxiii, som også viser at lagmannsembetet på Orknøyane ser ut til å ha vore arveleg i Cragy-slekta på 1400-talet (sjå dessutan *REO*, s. 436). Jf. Wærdahl 2006, s. 190–191.

Sigvat på eigne vegne, og Olav Langs måg **Sørkve** på vegne av seg og si hustru, **Gudrun Olavsdotter**, svara at abbed Einar hadde late dei ha jorda til dekning av gjeld, av di han hadde teke under klosteret 100 mark forngilde som **Sigurd «deuolsyni»** hadde deponert der, og som Sigvat og Olav hadde arva 2 år før abbed Einar døydde († 1321, dvs. arva i 1319). For å unngå langvarig rettsstrid vart partane samde om at klosteret skulle ha jorda, men fråfalla kravet om 5 års landskyld.¹⁶⁹²



Figur 119. Brotstykke av seglet til Olav Lang frå 1315 (*NøSigV*, nr. 83).

Olav Lang Kolbeinsson er rimelegvis identisk med kjøpmannen Olav Lang som i 1304 hadde fått nokre varer tekne i arrest i Boston i England.¹⁶⁹³ Ettersom det på same tid eksisterer ein Olav Lang også i Oslo, er det vanskeleg å avgjera kven av dei det er tale om når kjøpmannen Olav Lang frå Noreg førekjem i Ravenser og (King's) Lynn i 1304–1305.¹⁶⁹⁴ I 1315 er han medutferdar av eit vitnebrev i Bergen,¹⁶⁹⁵ og i 1316 vert han omtalt mellom dei gardsbøndene i Bergen som, ved sidan av fehirdane Einar Ambesson og Eindride Simonsson, mellom krossmessene om vinteren får einerett til å kjøpa varer frå utanlandske menn.¹⁶⁹⁶ Etter dette kan eg ikkje sjå at han er nemnt i kjeldene før i denne saka, og det er ikkje noko i brevteksten i denne saka som indikerer at Olav Lang framleis var i live i 1325.¹⁶⁹⁷ Olav Lang må reknast til det same sosiale sjiktet som brørne sine.

Gudrun Olavsdotter må vera dotter av Olav Lang, og **Sørkve** er mannen hennar. Det medfører at også desse to må reknast til aristokratiet. Eg har ikkje lukkast å finna ytterlegare informasjon om dei.¹⁶⁹⁸

Herr **Svein Brynjulvsson** er handsama tidlegare (sjå s. 363).

Sigurd «deuolsyni» har, dersom det er han som er arvelataren og ikkje berre har vore ein ombodsmann, vore død i 1319 då Sigvat og Olav Lang arva dei 100 forngilde merkene. I saka nedanfor, som er dagsett 1328, førekjem ein Sigurd «denolsyni» som tvillaust er same mann. Det brevet er berre kjent frå ei avskrift frå 1700-talet, og årfestinga er tvilsam. Kva for eit namn som

1692. *DN XII*, nr. 67; *RN IV*, nr. 346.

1693. *DN XIX*, nr. 429; *RN III*, nr. 195.

1694. *RN III*, nr. 213 (1304); *DN XIX*, nr. 436, og *RN III*, nr. 257 (1305).

1695. *DN I*, nr. 146; *RN III*, nr. 928.

1696. *NgL III*, nr. 49a; *RN III*, nr. 987.

1697. Han er neppe identisk med den Olav Lang som er mellom utferdarane av eit brev i Oslo i 1321 (*DN V*, nr. 66).

1698. O. Sollied 1928, s. 173, peikar på at han kan vera identisk med Sørkve Ormsson, son til Orm Kavle på Voss (sjå s. 226), men det vert ikkje noko meir enn ei gissing.

ligg til grunn for forma «deuol» er vanskeleg å seia. Lind har ingen forslag, men det finnest eit kvinnenamn Dalla som førekjem på Sudrøyane og på Island, og som undertida er skriva Daullu/Döllu/Davllu. Dersom «denol» skulle vera den rette forma kan ein moglegvis tenkja seg forvanskningar av namn som Daniel eller Dufnall.¹⁶⁹⁹ På den andre sida kan det vel like gjerne vera tale om eit tilnamn. Noko meir om han enn det som kjem fram i desse to sakene har eg ikkje funne.

SAK 524: 7. juli 1325, [Bergen?]: Gåvebrev frå **Sigvat Kolbeinsson**, lagmann på Orknøyane. Han gav same år i sitt testamente 5 mmb i «Lydini» (i Erdal, Lær 32–40) i Sogn og 1 mmb i Saurås (Åsa 90) til Munkeliv kloster i Bergen. Dette er kjøpegods, slik kjøpebrev hans viser, og arvingane hans skal ikkje gjera krav på det.¹⁷⁰⁰

SAK 525: 10. august [1328?], [Voss]: Forliksbrev frå **Tord Sveinsson**. Han har gjeve til **Sigurd «denolsyni»** 5 månadsmatleiger i jord i Væle (Voss 205) på Voss, mot å få 9 mmb i «Oyrisdyri».¹⁷⁰¹

Tord Sveinsson har eg heller ikkje lukkast i å finna ytterlegare opplysningar om.

1699. E. H. Lind 1905–1915, sp. 197 og 205–206.


1700. DN XII, nr. 68; RN IV, nr. 353.

1701. DN XXI, nr. 39; RN IV, nr. 605.

4.32 Losna

Så seint som i 2003 vart det gjeve ut ei bok om Losna-ætta.¹⁷⁰² Boka gjev ein grei gjennomgang av ætta, og har unngått mange av dei tidlegare feila som er produserte om den.¹⁷⁰³

Tavle 25. Losna-ætta.¹⁷⁰⁴



Opphavet til ætta har vore eit omdiskutert spørsmål. Det har vore hevda av dei aller fleste som har granska i ætta, at Erlend Filippusson var ein son av Filippus Erlendsson på Osland i Sogn. Argumenta som dette byggjer på er namnelikskap og den felles bustaden i Ytre Sogn. Likevel er det store kronologiske problem med omsyn til denne slektskapen. Ikkje minst er det vanskeleg å tenkja seg at Erlend Filippusson som døyrt i 1407, skal vera morbror til Filippus Erlendssons dotterson Jon Halldorsson, som er nemnt i 1338.¹⁷⁰⁵ Eg har likevel valt å handsama Filippus Erlendssons slektskrins her. At det var eit slektskap mellom Erlend Filippusson i Losna og Filippus Erlendsson på Osland er heller ikkje usannsynleg, men dei har neppe vore far og son.¹⁷⁰⁶ Til dømes var garden

1702. Losnegård et al. 2003.

1703. Det kan henda verste eksempelet er Stølen 1987. Det er elles produsert store mengder litteratur om Losna-ætta, som venta av varierende kvalitet, men også mykje bra. I kronologisk rekkefølge kan nemnast Y. Nielsen 1880b, Bendixen 1882, Espeland 1921, Bergwitz 1924, Kindem 1926, H. Sollied og P. Sollied 1927, H. Sollied 1931, Skåsheim 1958 og Kleiva 1964. Dei viktigaste artiklane i nyare tid er nok Bjønnnes et al. 1994 og Leistad 1997, samt Halvard Bjørkviks tre biografier i *NBL2* (Bjørkvik 2000a, 2000b og 2000c).

1704. Bjønnnes et al. 1994, s. 200.

1705. Bjønnnes et al. 1994, s. 192. Dei hevdar at han var myndig i 1340-åra, med tilvising til namneregisteret i RN V, men eg kan ikkje sjå at nokon av dei Jon Halldorsson som er nemnt i 1340-åra treng vera identisk med sonen til Margreta Filippusdóttir.

1706. Losnegård et al. 2003, s. 183, hevdar at eit par jordegodssaker på 1300-talet mellom Filippus Erlendsson og dottera Margreta, styrkar argumentasjonen om at Filippus Erlendsson var far til Erlend Filippusson. Eg kan ikkje med mi beste vilje sjå at dette styrkar noko som helst, all den tid kronologien er så til dei grader i opposisjon til ei slik kopling. Slektskap har det tvillaust vore, men neppe slik.

Osland i 1624 ått av arvingane til den danske adelsmannen Breide Rantzau († 1618),¹⁷⁰⁷ som var gift med Sophie Rosenkrantz († 1593), dotter til Losna-arvingen Erik Rosenkrantz.

Kart 5. Kart som illustrerer den svært strategiske plasseringa av Losna ved innlauget til Sognefjorden. Som ein kan sjå er det uråd å koma inn og ut av Sognefjorden, utan at ein kan sjå det frå Losna.



Kva så med jordegodset til Losna-ætta i mellomalderen? Anders Bjonnes, Lars Løberg, Tore H. Vigerust og Tor Weidling peikar på at det opp gjennom åra har vore framført mange argument for både etterkomarar, aner og sidegreiner til Losna-ætta med hjelp i eigedomsopplysningar, men at desse forsøka jamt over verkar lite overtydande. Dei hevdar vidare at Losna-ætta jamvel kan ha vore ei relativt godsfattig ætt i mellomalderen, og at hovudgarden Losna til dømes kan ha kome som kongsdonasjon på slutten av 1300-talet på grunn av tenestar for kongemakta. Dei seier vidare at ein slik donasjon er ukjent, men at den heller ikkje verkar usannsynleg på bakgrunn av dåtidas donasjonspolitik. ¹⁷⁰⁸ Sjølv er eg samd i at Losna kan tenkjast å ha vore ein kongsdonasjon, ikkje minst

1707. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7. Jordeboka til Breide Rantzau viser at han eig ein samanhengande bolck med gardar kring Osland i Kyrkjebø, nemleg ein tredel av Bjordal (gnr. 18), samt heile Hest (gnr. 19), Fjorden (gnr. 20), Føsund (gnr. 21), Osland (gnr. 22) og Lærnes (gnr. 23). Dette utgjør jorda rundt heile inste delen av Fuglesetfjorden, ein arm på sørsida av Sognefjorden.

1708. Bjonnes et al. 1994, s. 192.

når ein ser på den geografiske plasseringa av Losna. Frå Losna kan ein ha full kontroll med all trafikk inn og ut av Sognefjorden. Ei slik plassering viser at dette kan ha vore ein viktig maktbase, og Losna må i det minste ha vore viktig for kongemakta tidlegare i mellomalderen.

Gaute Losnegård går kraftig i rette med Bjonnes et al. og deira påstand om at Losna-ætta kan ha vore ei godsfattig ætt. Mellom anna hevdar Losnegård at «di meir spreidd eigedomsmassen var, di større var han».¹⁷⁰⁹ Dette er ein heilt urimeleg påstand, noko som også har vorte påpeika i bokmeldingar.¹⁷¹⁰ Sjølv om ein person eig jord i både Sverige og på Vestlandet, treng ikkje dette tyda noko anna enn at ein av foreldra var vestlending og den andre svensk, utan at det seier noko som helst om storleiken på jordegodset. At personar i mektige ætter kan ha vore relativt godsfattige, viser også det eg tidlegare har skrive om jordegodset til Gregorius Andresson Unge av lendmannsætta på Ståreim. No seier då heller ikkje Bjonnes og medforfattarane anna enn at Losna-ætta *kan* ha vore relativt godsfattig, ikkje at den *var* det. Di meir overraskande er det at Losnegård under drøftinga av jordegodsproblematikken, ser ut til berre å rekna det som er omtalt som Losna-gods på 1600-talet til mellomalderens godssamling.¹⁷¹¹ Det som på 1600-talet vart kalla Losna-gods, var det jordegodset som *då* låg til hovudgarden på Losna, og var neppe identisk med det jordegodset som dei forskjellige personane i Losna-ætta åtte i mellomalderen. Det han heller ikkje har teke omsyn til er dei mange gardane i Ytre Sogn, Sunnfjord og Nordfjord, som etter adelsjordebøkene 1624–1626 i Statthaldararkivet, er i Rosenkrantz-familien si eige, og som for ein stor del også må ha kome frå Losna-ætta. Rosenkrantzane var einarvingar etter Losna-ætta. Den einaste adelsjordeboka frå 1624 han tek omsyn til er jordeboka til Sophie Rosenkrantz.¹⁷¹² Korkje jordebøkene til Anne Rosenkrantz (jordegods i Nordhordland og Gulen), Breide Rantzau (mykje jordegods i både Indre og Ytre Sogn), Frantz Rantzau (jordegods i Sunnhordland) eller Jakob Rosenkrantz (mykje jord i Sunnfjord, forutan i Nordfjord og Ytre Sogn), er handsama, trass i at desse inneheld svært mykje jordegods som har si plassering i og rundt kjerneområdet til Losna-ætta, og som kan ha kome frå den – og truleg også har gjort det. Eit problem er likevel at vi kjenner lite til kor mykje som kan ha kome til i seinare tid, særskilt under Erik Rosenkrantz (1519–1575), som ser ut til å ha ført ein svært aktiv godspolitikkk med kjøp, sal og arrondering. Men godsmengda i desse jordebøkene gjev

1709. Losnegård et al. 2003, s. 182.

1710. Sjå t. d. Hervik 2003.

1711. Losnegård et al. 2003, s. 176–184.

1712. Losnegård et al. 2003, s. 176.

likevel ikkje inntrykk av at Losna-ætta har vore særskilt godsfattig, sjølv dersom berre ein liten del av jordegodset tilhørte ætta i mellomalderen.

SAK 526: 19. oktober 1322, Osland i Kyrkjebo: Vitnebrev frå Arne Ormsson, Håkon Ormsson, Ivar [Arnesson] lagmann, Erlend prebendarius i Kristkyrkja i Bergen, Kolbein prest i Vik, Ivar Bork, hans bror Torbjørn Ogmund Erlendsson [Pelle] og Svein Bårdsson. Ved bryllaupet på Osland same dag, mellom **Arnald Josteinsson** og **Filippus Erlendssons** dotter **Margreta**, overlot Filippus henne mellom anna følgjande jordegods i heimanfølge: 10 mmb i Stakland (Skjold 17) i Smedsvik sokn, 7 mmb i Hervik (Tysvær 41), 14 mmb i Tysvær (Tysvær 25), 7 mmb i Røteseike (Tysvær 57) og 1 ½ mmb i Kvinnesland (Tysvær 58–59); 8 mmb i Sunnstokke (Kopervik 1) i Avaldsnes sokn og 1 mmb i Kvalevåg (Avaldsnes 16); 9 mmb i Hovland (Hyl 47) i Hyllestad sokn. Til saman 57 ½ mmb.¹⁷¹³

25. mars 1331: Vitnebrev frå Eindride Olvesson og Øystein på Takle. Dei var til stades på Osland i Kyrkjebo i kong Håkons 17. styringsår (1315–1316) då **Arnald Josteinsson** festa **Margreta Filippusdotter**. Då lyste **Ingebjørg Erlendsdotter** at ho hadde gjeve til Filippus [Erlendsson], husbonden sin, 7 mmb i Helleim (Hyl 53) og 3 mmb i «Jdøey» i tiende- og fjerdingsgåve.¹⁷¹⁴

16. april 1331, [Sogn]: Vitnebrev frå Gudleik, prest i Austreim (Kyrkjebo), Arne ovanfor vatnet, Ivar i Bjordal og Einar på Austreim. Dei var til stades då Torgils Tordsson og Gunnar Olavsson vitna for **Filippus Erlendsson** at dei var til stades 1. august 1322, då **Arnald Josteinsson** og **Margreta Filippusdotter** gav sitt samtykke til den fjerdings- og tiendegåva som Filippus si hustru **Ingebjørg** hadde gjeve til han, nemleg 7 mmb i Helleim (Hyl 53) og 3 mmb i «Eiy...». Dessutan vitna Olav Eiriksson at han hadde høyrte Ingebjørg lysa dei nemnte gåvene til Filippus.¹⁷¹⁵

22. juni 1332, Bergen: Domsbrev frå Trond Krakesson, lagmann i Bergen, og Ivar Oma: Kom for dei partane Filippus Erlendsson og Eirik Arnesson, den siste på vegne av Margreta Filippusdotter. Filippus let Jon «fran» vitna at dei var til stades på Osland onsdagen etter Arnald Josteinssons og Margretas bryllup, då Filippus, Arnald Josteinsson og Margreta avtalte at Filippus skulle behalda den fjerdings- og tiendegåva som han hadde fått av Ingebjørg, kona si. Dom vart avsagt i samsvar med dette.¹⁷¹⁶

1713. DN II, nr. 147; RN IV, nr. 185.


1714. DN II, nr. 180; RN IV, nr. 811.

1715. DN II, nr. 181; RN IV, nr. 818, i DN datert til 9. april.

1716. DN I, nr. 218; RN IV, nr. 884.

Filippus Erlendsson på Osland er nemnt første gong i dette brevet frå 1322. Forutan dei andre breva i denne saka, opptrer han også i 1338 då Erling Vidkunnsen i Bjarkøy og fleire andre framståande menn utferdar eit vitnebrev om ættleiing i Bergen. Dei var til stades i Nikolaskyrkja i Bergen då Margreta Filippusdotter ættleia sonen sin Jon, som ho hadde med sira Halldor Jonsson,¹⁷¹⁷ og gav til han eit stettekar samt 14 mmb i Tysvær i Tysvær sokn i Ryfylke. Filippus var til stades og samtykte i ættleiinga. Det ser ut til at både **Ingebjørg Erlendsdotter**, kona til Filippus, og **Arnald Josteinsson** er døde i 1338. Begge desse to opptrer berre i saka ovanfor, og det ser ut til at Ingebjørg er død så tidleg som i 1322, medan Arnald rimelegvis er død i 1332 då Eirik Arnesson opptrer i ombod for Margreta Filippusdotter. Arnald Josteinsson var truleg bror til Jon Josteinsson som i 1324 åtte jord i Sogn (sjå sak 35). Heller ikkje **Margreta Filippusdotter** opptrer i andre kjelder enn dei som alt er handsama her, samt i neste sak. Heile denne slektskrinsen må reknast til aristokratiet, i hovudsak på bakgrunn av storleiken på jordegodset som Margreta får i heimanfølgje i 1322 – heile 57 ½ mmb. Filippus må ha ått monaleg meir enn dette.

SAK 527: 18. september 1336, Karmsund: Salsbrev frå **Eirik Nikolasson**. Han har overlate til **Margreta Filippusdotter** 4 ½ mmb i Væte (Voss 10) på Voss for 20 laup smør, og fått full betaling, [mellom anna?] 1 mmb i Kvalvåg [vel Avaldsnes 16].¹⁷¹⁸



Figur 120. Seglet til Eirik Nikolasson frå salsbrevet 1336 (*NøSiggV*, nr. 312).

Eirik Nikolasson har eg ikkje funne omtalt i andre kjelder enn dette eine brevet, men seglet hans, som heng ved brevet, inneheld eit våpenmerke. Dette indikerer at også han må reknast til aristokratiet.

SAK 528: 23. juli 1373, Bergen: Vitnebrev om dom frå erkebiskop Trond [Gardarsson] i Nidaros, Ogmund Finnsson, riddar, og Håkon Jonsson. Dei var til stades i bispegarden i Bergen. Kong Magnus hadde tilkalla dei og fleire menn som dei førstnemnte ville ha tilkalla, for å døma i arvesaka mellom **Erlend Filippusson** og **Ingemund Utyrmsson** på vegne av kona si **Holmfrid Ånundsdotter**. Ingemund gjorde

krav på Holmfrids arv etter **Gaute Håkonsson**, og Erlend på vegne av sin frende **Torgeir Torsteinsson**. Utferdarane av vitnebrevet møtte to dagar etter og hadde oppnemnt følgjande til å døma saman med seg: Torstein Hallgrimsson, prost ved Apostelkyrkja i Bergen, Narve Ingvaldsson, riddar, Otte Rømer, fehirde i Trondheim, Viljalm Eiriksson, Gunnar Hjarrandes-

1717. **Halldor Jonsson** var kannik i Bergen og opptrer i kjeldene i perioden 1338–1346/48. Jf. namneregisteret i RN V.


1718. DN III, nr. 189; RN IV, nr. 1205, feildatert til 17. september 1337 i DN.

son, lagmann i Gulating og Bergen, og Jon Reidarsson. Begge partane la fram sine prov. Erlend la fram eit domsbrev frå lagmannen der han vart tildømt på vegne av Torgeir Torsteinsson halve godset av det Ingemund sat med etter Gaute Håkonsson. Erlend viste også fram kong Håkons stadfestingsbrev. Det vart dømt at lagmannsdommen skulle stå ved makt inntil kongen sjølv, med rådet sitt, hadde undersøkt saka nærare og fann at noko anna var rettare etter lova. Hadde Erlend odelsjord som tilhørte Holmfrid, skulle Ingemund søkja han etter lova, likeleis kunne Erlend søkja Ingemund for sine særskilte fordringar.¹⁷¹⁹

Det er ikkje sagt direkte i dette brevet at arven omhandlar jordeigedom, men det er høgst sannsynleg at den gjorde det og at delar av dette jordegodset låg i undersøkingsområdet for denne avhand-linga. Denne arvesaka har elles vore handsama av mellom andre Asgaut Steinnes, Halvard Bjørkvik og Lars Løberg.¹⁷²⁰ Eg viser til litteraturen der for ei meir gjennomgåande drøfting av problema i samband med det.

Erlend Filippusson er nemnt første gong i 1366, og døydde i 1407. Frå 1370 var han medlem av riksrådet, og seinast 1375 vart han fehirde i Bergen, ei stilling han hadde til kring 1390. Han var også sylemann i Nordfjord ei tid. Han vart derimot aldri riddar, berre væpnar, og ifølgje dei islandske annalane vart han ikkje riddar av di han ikkje *ville*.¹⁷²¹ Kven han var gift med er ukjent, men det kan ikkje utelukkast at det var ei kvinne av ætta på Slinde i Sogndal ettersom dottera Sigrid ser ut til å ha vore busett der kring 1390 (sjå s. 350).¹⁷²² Ei noko underleg opplysning kjem fram i ei yngre påskrift i Aslak Bolts jordebok. Det vert der sagt at erkestolen åtte Gjemmestad (Glo 9), 20 mmb, heile eiegen, som Erlend Filippusson på Losna gav. Denne jorda ligg i Gloppefjord, bygsla for 6 ½ laup [yngre påskrift: 5 laup årleg].¹⁷²³

Problemet er berre at denne garden tilsynelatande kom til erkestolen på anna vis (sjå s. 434 under Aslak Bolt). Ut over dette er Erlend berre involvert i ein jordtransaksjon på Voss, der han tek pant i eit par gardar frå Greip Ivarsson (sjå sak 240).



Figur 121. Erlend Filippussons segl frå 1370 (*NøSigV*, nr. 861). Eg har valt å gje att dette seglet, av di det gjev ein fin kontrast til praktseglet vi kjenner frå åra 1376–1405 (*NøSigV*, nr. 948), og som er det som vanlegvis vert nytta som illustrasjon. Våpenmerket i segla er det same.

1719. DN III, nr. 384; RN VII, nr. 373.

1720. Steinnes 1968, s. 219–221; Løberg 2000a og 2000b; Bjørkvik 2000d.

1721. Bjørkvik 2000c.

1722. Jf. Bjonnes et al. 1994, s. 200.

1723. *ABJ*, s. 180.

Ingemund Utyrmsson er nemnt første gong i 1366, då han gifta seg med **Holmfrid Ånundsdotter** på Talgje i Ryfylke. Erlend Filippusson opptretter då som ombodsmann for Holmfrid og bror hennar, Gunnar Ånundsson.¹⁷²⁴ Forutan i denne saka, er Ingemund også nemnt i 1388 då det er sagt at han hadde selt garden Straumslund i Vanse sokn på Lista til ein Tormod Hallvardsson. Det går ikkje fram av brevet kor vidt Ingemund Utyrmsson då var i live, ettersom salet kan ha gått føre seg ei tid før dette.¹⁷²⁵ Holmfrid opptretter berre i denne saka, samt i brevet frå 1366. Begge desse må reknast til aristokratiet.

Gaute Håkonsson tilhøyrt ætta på Talgje (sjå kap. 4.28), men nøyaktig korleis han var i slekt med dei andre av ætta er omdiskutert. Han er berre sikkert kjent frå eit samtidig brev frå 1331, moglegvis også i 1340.¹⁷²⁶

Torgeir Torsteinsson er også berre kjent frå dette eine brevet frå 1373, men som ein av hovudarvingane etter Gaute Håkonsson på Talgje er det ikkje tvil om at også han må reknast til aristokratiet.



Figur 122. Seglet til Eindride Erlendsson etter teikning i Rigsarkivet i København (DRA, HSS, Jakob Langebeks samlinger, XV, Segltegninger, pk. 7, gr. 11b, nr. 26b).

SAK 529: 15. november 1419, Bergen: Makeskiftebrev frå **Eindride Erlendsson**, ridder og høvedsmann på Tunsberghus, og fut over Ryfylke. Han har gjort makeskifte med herr Stein, abbed i Munkeliv kloster, og konventbrørne same stad, slik at klosteret har fått hans jorder, nemleg Steinsland (Sam 110) i Årland kyrkjesokn i Samnanger som no gjev 4 laup i landskyld, og Raknes (Ham 33–34) i Hamre kyrkjesokn i Oster skipreide som gjev 3 laup, så mange mmb som der har vore. I tillegg ein tomt som ligg ovanfor stretet ved Søstergarden i Mariakyrkjesoknet i Bergen.

Mot dette gjev klosteret til Eindride klosterets jord ovanfor Erlendsgarden i Krosskyrkjesoknet i Bergen.¹⁷²⁷

1724. DN IV, nr. 457; RN VI, nr. 1116.

1725. DN XII, nr. 117; RN VII, nr. 1454–1455.

1726. DN IV, nr. 197 (1331); DN VI, nr. 159 (1340). Jf. Løberg 2000a.

1727. DN XII, nr. 168.

Eindride Erlendsson er omtalt i kjeldene i tida 1384–1440. Han var riddar og riksråd alt frå 1397, og vart i 1405 høvedsmann på Akershus. Dette ombodet hadde han til omlag 1408, og frå 1411 og truleg ut livet, var han høvedsmann på Tunsberghus. Ved sidan av dette er han i 1412 og 1427 nemnt som fehirde i Bergen, i 1400 og 1421 som syslemann på Sunnmøre, i 1425–1429 som syslemann på Agder, og i 1419, 1423 og 1440 syslemann i Ryfylke. Han var etter alt å døma ein av dei absolutt mektigaste mennene i Noreg i første halvta av 1400-talet.¹⁷²⁸ Med omsyn til jordegods ser ein i kjeldene at Eindride åtte jordegods i Sandsvær (Buskerud) og i Vestfold,¹⁷²⁹ forutan i Bergen, Sunnhordland og Nordhordland.

SAK 530: 19. februar 1420, Bergen: Målebrev utferda av Einar Eindridesson, lagmann i Bergen, Olav Toresson, Einar Magnusson og Håkon Grjotgardsson, rådmenn i Bergen. Etter oppmoding frå abbed Stein i Munkeliv synfarte og målte dei opp den tomte nest ovanfor Søstergarden i Mariakyrkjesoknet, som herr **Eindride Erlendsson**, riddar og høvedsmann på Tunsberghus og syslemann i Ryfylke, hadde gjeve i makeskifte til klosteret og abbeden i Munkeliv i Bergen.¹⁷³⁰

SAK 531: 7. november 1447, Bergen: Bygselbrev frå **Erlend Eindridesson**, riddar, til Hans «Skoeper» på Erlends kjellar i Korskyrkjesoknet i Bergen, som Eggert Kot før hadde leigd, for 8 gylden årleg leige.¹⁷³¹

Erlend Eindridesson er nemnt i kjeldene frå 1429 til 1450, og er den siste mannlege representanten for Losna-ætta. Også han tilhørte det absolutte toppsjiktet innan det norske aristokratiet, og han var gift med Gudrun Olavsdotter, dotter av riddaren og riksråden Olav Håkonsson til Nesøya i Asker og Ingebjørg Jonsdotter av Sørum-ætta. Seinast 1434 vart han medlem av riksrådet, og i 1442 vart han slegen til riddar i samband med kroninga av kong Christoffer. Han følgde etter faren som høvedsmann på Tunsberghus, og fungerte truleg som dette saman med faren dei siste leveåra hans.



Figur 123. Seglet til Erlend Eindridesson frå 1450 (DN VIII, nr. 345). Teikning i NRA, KA.

1728. Bjørkvik 2000a.

1729. Jf. Losnegård et al. 2003, s. 177.

1730. DN XII, nr. 169.

1731. DN II, nr. 778.

Han var også systemann i Råbyggjelag og i Sogn, og i 1450 fekk han Valdres og Romsdal som pantelen, som trygd for eit lån han hadde gjeve til kong Christian 1. Han etterlot seg to døtrer, Sigrid og Ingjerd, som arva det store jordegodset hans, og ettersom Ingjerd ikkje etterlot seg born i sine ekteskap, kom heile godssamlinga til å enda opp hjå dottersonen til Sigrid, Otte Holgersen Rosenkrantz.¹⁷³² Av jordegods åtte han også kjøpejord på Færøyane og odelsods i Skövde i Västergötland.¹⁷³³

1732. Bjørkvik 2000b.

1733. Losnegård et al. 2003, s. 177.

4.33 Kring Sunnfjord i Strandvik

Garden Sunnfjord i Strandvik er mellom dei gardane som Sigurd på Fet i Kvinnherad åtte i (sjå sak 40). Personane som er involverte i sakene nedanfor kan likevel ikkje knytast til Sigurd, men at det kan ha vore eit slektskap her er ikkje usannsynleg.

SAK 532: 16. august 1326: Salsbrev frå **Gudmund Bårdsson**. Han har selt 4 mmb, som var det han åtte, i nedste husa i Sunnfjord (Strv 124) til **Øystein Berdorsson**, med innløysingsrett etter 10 vintrar.¹⁷³⁴

24. oktober 1337, [Bergen?]: Salsbrev frå **Øystein Berdorsson**. Han har selt til Munkeliv kloster ved abbed Hogne 4 mmb i nedre garden i Sunnfjord (Strv 124) i Strandvik kyrkjesokn, med skog, makrellvåg og alle lunnende, for 12 mark brent.¹⁷³⁵

Gudmund Bårdsson må vera identisk med kanniken i Kristkyrkja av same namn, som optrer i den følgjande saka. Det medfører at han må reknast til det geistlege aristokratiet. Eg har ikkje funne at han optrer i andre kjelder enn dei som er refererte her.

Øystein Berdorsson er truleg identisk med han med same namn som ein gong før 18. april 1322 tek opp eit prov om nausttuftene ved Sandvin frå riddaren herr Hallkjell Hallkjellsson (kan henda systemann i Hardanger), saman med mellom anna brørne Sigurd Galte og Tore Gautsson av den gamle lendmannsætta på Mel og Hatteberg i Kvinnherad.¹⁷³⁶ Det at han optrer saman med desse to, indikerer at også han minst må reknast til ein lokal elite.

SAK 533: 4. mars 1335: Salsbrev frå **Gudmund Bårdsson**, kannik ved Kristkyrkja i Bergen. Han har selt til hustru **Margreta Stevnesdotter** 2 mmb i Reisæter (Ull 53) i Ullensvang sokn, for 3 mark brent.¹⁷³⁷

Hustru **Margreta Stevnesdotter** har eg berre funne omtalt i dette eine brevet, men ho må reknast til aristokratiet på bakgrunn av hustrutittelen sin. Namnet Stevne er svært sjeldsynt i Noreg, og er vel helst ei form av namnet Stefan.¹⁷³⁸

1734. DN XII, nr. 69; RN IV, nr. 432.

1735. DN XII, nr. 86; RN V, nr. 53.

1736. DN I, nr. 166; RN IV, nr. 156–157.

1737. DN XII, nr. 84; RN IV, nr. 1110.

1738. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 947–948.

4.34 Onareim på Tysnes

Garden Onareim på Tysnes var ein sentral gard i Sunnhordland i mellomalderen, og sete for stormenn alt på 1200-talet. Både i 1217 og 1223 møter vi ein Sigurd frå Onareim mellom dei fremste rådgjevarane til Håkon Håkonsson.¹⁷³⁹ P. A. Munch reknar han for prest,¹⁷⁴⁰ men det er det ingen grunn til slik eg ser det. Snarare tilhørte han den same slekta som vi møter att seinare.

SAK 534: 13. april 1333, Onareim på Tysnes: Vitnebrev frå Tore på Onareim, Vermund i Ve og Bård på Dalland. Dei var til stades då **Sigurd Hallvardsson** lét Jon på Myklebostad og Kjetil på Høyseter vitna at dei var til stades den gongen då **Cecilia Ormsdotter** gav Sigurd Hallvardsson ½ mmb i store Rokne (Voss 199–200) i Vangen sokn på Voss som landskyld for kvart år ho hadde budd i «Bolls nesse» – 1 mmb vart gjeve for dei to åra ho hadde site der, og dessutan gav ho ½ mmb for kvart av dei fire åra staden hadde vore ubebudd, etter at mannen hennar Karl seks år tidlegare hadde bygsla 6 mmb i «Bollsnæsse». Denne jorda fekk Sigurd for 10 år sidan (1323) på Onareim.¹⁷⁴¹ [Det er då til saman 3 mmb]

Same tid og stad var Halle på Rogne stemna til tings av Sigurd Hallvardsson, men møtte ikkje.¹⁷⁴² Det er nærliggjande å tenkja seg at også det galdt same jordeigedom.

Sigurd Hallvardsson må ut frå denne brevteksten ha hatt ei tilknytning til Onareim. Kan henda har han jamvel budd på garden. Ut over denne saka har eg ikkje funne han i kjeldene, dersom han då ikkje er identisk med den Sigurd Hallvardsson som vitnar i ei sak på Hovland i Ullensvang i 1340.¹⁷⁴³ Truleg har han vore relativt gammal i 1333, og eg held det for sannsynleg at han er far til Hallbjørn Sigurdsson som er nemnt nedanfor. Eg vil rekna Sigurd Hallvardsson til aristokratiet, ettersom det meste talar for at sonedottera var Gyrid Hallbjørnsdotter (sjå s. 246).

Cecilia Ormsdotter har eg ikkje funne omtalt i andre kjelder enn denne eine, og ho let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 535: 18. mai 1337, Våge på Varaldsøy: Vitnebrev frå Jon prest på Varaldsøy, Heinrek Åmundsson og Tord Hallsteinsson. Dei var til stades då **Sigurd Bårdsson** og hans hustru **Cecilia Torgautsdotter** («husfrey hans») vedgjekk å ha selt til **Hallbjørn Sigurdsson** 3 ½ mmb i Rokne (Voss 199–200) i Brynar åtting i Vangen kyrkjesokn på Voss, for 4 kyrlag per mmb, og fått full betaling.¹⁷⁴⁴

1739. *HHVigf*, kap. 23, s. 28, og kap. 86, s. 75.

1740. P. A. Munch 1857, s. 585, note 2.

1741. *DN* IV, nr. 204; *RN* IV, nr. 948.

1742. *DN* IV, nr. 203; *RN* IV, nr. 949.

1743. *DN* IV, nr. 243; *RN* V, nr. 298.

Sigurd Bårdsson er truleg identisk med den Sigurd Bårdsson som i åra 1338–1340 opptretr som lagmann i Ryfylke,¹⁷⁴⁵ og som vel er død før 1345.¹⁷⁴⁶ Kan henda er han også identisk med den Sigurd, bror til Svein Bårdsson, som kring 1320 er nemnt mellom vitna i saka om nausttuftene på Sandvin.¹⁷⁴⁷ Kona hans, **Cecilia Torgautsdotter**, har eg ikkje funne omtalt i andre kjelder, men husfruetittelen kan, kombinert med lagmannsombodet til mannen, tolkast i retning av ein hustrutittel. Begge må reknast til aristokratiet.

Hallbjørn Sigurdsson er nemnt første gong i eit brotstykke av eit brev som finnest på seglreimane til brevet i denne saka, noko som plasserer brevet før 18. mai 1337, truleg ei stund før, og det kan då sjå ut til at han var lensmann i Sunnhordland.¹⁷⁴⁸ RN meiner han budde på Våge i Varaldsøy,¹⁷⁴⁹ men at han opptretr der er etter mitt syn ikkje nokon indikasjon på at han budde der. I 1341 er han medutferdar av eit vitnebrev om sal på Børøy i Finnås.¹⁷⁵⁰ Rimelegvis er han son til Sigurd Hallvardsson ovanfor, ettersom han kjøper jord i same garden på Voss som Sigurd fekk jord i. Vidare er han tvillaust far til den Gyrid Hallbjørnsdotter (sjå s. 246) som vart gift med Jørund Arnesson på Foss, syslemann på Voss. Han må dermed reknast til aristokratiet.¹⁷⁵¹

SAK 536: 6. oktober 1342, Bergen: Vitnebrev frå Sigurd Gudmundsson, Magnus Brandsson og Jon Havtoresson [truleg feil for Halldorsson]. Dei var til stades i Munkeliv då **Martein Sigurdsson** selde til **Pål Knutsson** 4 mmb i Tveit (Kvi 138) i Bringedalsbygda i Kaldestad [=Husnes] sokn på Sunnhordland, for 8 mark forgilde, og vedgjekk å ha fått betaling.¹⁷⁵²

Martein Sigurdsson har eg berre funne nemnt i denne eine saka, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare.¹⁷⁵³

Pål Knutsson er ein mann som det har vore fortalt mykje underleg om i litteraturen, ikkje minst i samband med Kensingtonsteinen og den påståtte Amerikaferda til ein del nordmenn kring 1360.¹⁷⁵⁴ Det ein faktisk veit om han er ikkje fullt så spennande, men likevel: Første gong han er

1744. DN XI, nr. 22; RN V nr. 15.

1745. DN IV, nr. 232 (1338); DN VIII, nr. 132 og 133 (1340).

1746. Jf. RN V, nr. 598, note 1.

1747. DN VIII, nr. 69; RN IV, nr. 94.

1748. DN XI, nr. 16; RN V, nr. 14.

1749. RN V, nr. 14, note 4.

1750. DN XI, nr. 28; RN V, nr. 414.

1751. Jf. Kolltveit og Næss 1947, bd. I, s. 133.

1752. DN XXI, nr. 66; RN V, nr. 586.

1753. Det er nemnt ein Marte in Sigurdsson i eit brev dagsett Hof på Toten den 23. januar 1336 (DN III, nr. 183), men det er neppe tale om same mann. Dette er den einaste, utanom han som opptretr i denne saka, eg har funne med dette namnet i heile DN.

nemnt er i denne saka frå 1342. Forutan i dei to påfølgjande sakene, er han i 1343 mellom dei som utferdar eit domsbrev i Bergen i ei sak om byggjing av Båbrua på Voss.¹⁷⁵⁵ I 1345 er han kalla ombodsmann for hertuginne [Ingebjörg Håkonsdotter].¹⁷⁵⁶ Han er i 1346 nemnt først mellom dei som utferdar eit vitnebrev i Bergen,¹⁷⁵⁷ og i 1348 er han lagmann i Gulating.¹⁷⁵⁸ Siste gong han opptrer i kjeldene er i 1354, då kong Magnus utferdar eit vernebrev der han tek i sitt vern alle som vil fara med knarren til Grønland, anten dei er hans handgangne menn, andre menns sveinar eller andre. Han har bede Pål Knutsson på «Anarm» (Onareim) om å nemna opp dei han meiner er best til å vera mannskap.¹⁷⁵⁹ Kor vidt denne ferda nokon gong kom i gang er uklårt, men det er altså dette som har vore bakgrunnen for å kopla Pål Knutsson til innskrifta på Kensingtonsteinen. Ombodet som lagmann fører han inn i aristokratiet.

SAK 537: 18. juli 1347, Bergen: Vitnebrev frå Tore Bjørgulvsson, lagmann i Bergen, Jon Hall-dorsson og Erlend i Lygre. Dei var same dag i Bellgarden i Bergen då **Arne Trondsson** selde til **Pål Knutsson** 2 mmb i Tveit (Tys 130) i Onareim sokn i Sunnhordland, det vil seia halve jorda, for 3 mark brent, og vedgjekk å ha fått ein sum svarande til 12 øre brent i betaling. Dei skal ha halve landskylda kvar.¹⁷⁶⁰

16. oktober 1347, Bergen: Vitnebrev frå Tore Bjørgulvsson, lagmann i Bergen, og Jon Botolvsson. Dei var til stades då **Arne Trondsson** vedgjekk å ha fått full betaling for garden Tveit (Tys 130) i Onareim sokn i Sunnhordland, som han hadde selt til **Pål Knutsson**.¹⁷⁶¹

Arne Trondsson er berre kjent frå eitt anna brev utanom denne saka. Det er eit domsbrev utferda i Bergen den 21. juni 1347 av gulatinglagmannen Greip Toresson. På lagtinget i Bergen kom partane Gunnhild Petersdotter (sjå s. 359) på den eine sida, og Arne Trondsson med si mor Jorunn på den andre. Arne la fram eit brev med pålegg frå kong Magnus om at Gunnhild Petersdotter, innan ein halv månad etter at ho har høyrte brevet, skal utgreia til Arne Trondssons mor Jorunn den tien-

1754. Sjå t. d. Heggland 1964, s. 284–295. Det finnest elles eit heilt bibliotek av litteratur om denne steinen og innskrifta på den. Sjå kommentaren til Erik Tunstad, redaktør av nettstaden forskning.no, frå 30. april 2005 vedrørende arkeologiprofessor Lotte Hedeagers påstand i danske *Weekendavisen* den 21. april 2005 om at steinen må vera ekte («Hvis Kensington-stenen virkelig er autentisk, som alting tyder på (...)): <<http://www.forskning.no/Artikler/2005/april/1114776893.28>>, aksessert 19. mars 2006. Sitatet frå Hedeagers artikkel er henta frå den digitale versjonen av artikkelen hennar i *Weekendavisen*, aksessert gjennom <<http://www.infomedia.dk>>.

1755. DN XXI, nr. 69; RN V, nr. 616.

1756. DN V, nr. 183; RN V, nr. 788. Jf. DN V, nr. 185; RN V, nr. 823.

1757. DN XXI, nr. 74; RN V, nr. 851.

1758. DN IV, nr. 33, og DN II, nr. 295; RN V, nr. 1068 og 1071.

1759. DN XXI, nr. 83; RN VI, nr. 310.

1760. DN IV, nr. 316; RN V nr. 952.

1761. DN VI, nr. 187; RN V nr. 995.

degåva som herr Audun på Slinde (sjå kap. 4.35) gav Jorunn. Gunnhild Petersdotter svara med å leggja fram eit vitnebrev frå Guttorm Pålsson, biskop i Stavanger, herr Erling Vidkunnsen, Bjarne Erlingsson, Ivar Andresson, og andre gode menn, der det kom fram at herr Erling, som ombodsmann for Gunnhild Petersdotters mor, fru Åsa, har inngått eit forlik med Jorunn og Tore Tandre (sjå s. 319) vedrørande den tiendegåva som herr Audun på Slinde gav Jorunn, mor til Arne Trondsson. I samsvar med dette siste brevet dømte Greip at forliket skulle stå fast. Gunnhild kravde at Arne skulle stå til rette for falskt klagemål hjå kongen, og ein seksmannsdóm dømte Arne til å betala Gunnhild 8 mark forngild i oppreising.¹⁷⁶² Kan henda skal ein sjå Arnes sal av jord ein knapp månad etter domsavgjerdja her, som eit resultat av den idømte oppreisingsbota. Det ser ut til at mor til Arne, Jorunn, på eitt eller anna vis har vore i slekt med herr Audun på Slinde, men samstundes på ein slik måte at ho ikkje var mellom arvingane hans. Kvifor ho elles skulle få tiendegåve (10 % av alt arva gods, både laust og fast) av han vil vera vanskeleg å forklåra. Kan henda var ho ei frilledotter av Audun.¹⁷⁶³ Ut frå dette meiner eg det er rimeleg trygt å rekna Arne Trondsson, så vel som mor hans, til aristokratiet.

SAK 538: 2. november 1348, Bergen: Vitnebrev frå Ingemund («Amund») Jonsson, lagmann i Bergen, og Greip Toresson. Dei var til stades i Kristkyrkja i Bergen då **Ingeleiv Andorsdotter** selde til **Pål Knutsson** halve Tveit (Kvi 138), 4 mmb, i Bringedalsbygda i Sunnhordland for 12 øyre brent per mmb. Samstundes overdrog ho til Pål alle dei krav ho hadde mot brørne i Halsnøy og deira medhjelparar for tjuveri av klede og innbu.¹⁷⁶⁴

Ingeleiv Andorsdotter har eg ikkje funne meir om enn det som går fram av denne saka. Det er rimeleg å tenkja seg eit samband mellom henne og Martein Sigurdsson i sak 536 ovanfor, men noko om den sosiale statusen hennar får ein ikkje ut av det.


1762. DN II, nr. 285; RN V, nr. 938–940.

1763. Ektefødd son av frilledotter kjem etter samfedre og ektefødde søsken i arvetalet (*MLL*, s. 82–83). Jf. Spangen 1950.

1764. DN XXIII, nr. [28].

4.35 Riddaren Audun på Slinde

SAK 539: Ei jordeboksnotis frå Bergens Kalvskinn med dateringa 1336, fortel at herr **Audun på Slinde** gav til kyrkja på Ylmeim 6 mmb – halvt til kyrkja og halvt til presten – i Mælås (Sog 83), 1 ½ mmb i Nes (Sog 11) og ½ mmb i eit fiskevarp som heitte «aulra». Likeeins fortel jordeboka at fru **Gyrid på Slinde** gav 1 ½ mmb i Langen (Lus 55), og fru **Margreta**, dotter hennar, gav 2 mmb i same garden, til presten på Ylmeim. Kyrkja på Ylmeim fekk også 1 ½ mmb i Langen i Luster som fru Gyrid på Slinde gav, og 2 mmb i Langen av Margreta, dotter hennar. Kyrkja på Saude i Luster fekk «sketting pridia» i Bringe (Lus 42) som herr Audun kjøpte [til kyrkja]. Fru Margreta er rimelegvis identisk med den fru **Margreta på Søreim** som i sitt testamente gav 3 kyr til presten på Dale i Luster.¹⁷⁶⁵



Figur 124. Seglet til Audun på Slinde frå 1314 (NoSigV, nr. 71).

Det at **Audun på Slinde** i 1336 er sagt å ha gjeve mellom anna ½ mmb i eit fiskevarp som heitte «aulra» til kyrkja på Ylmeim, er interessant, ettersom ei sak frå 1356 (sjå sak 76) også inneheld noko om eit lakseverp med namnet «Oluu». Det kan vera tale om same fiskeverp. Eindride Petersson omtalar då nokre kjøpedokument som frenden hans, Audun, hadde. Korvidt denne frenden var i live i 1356 er vanskeleg å seia, men dersom han ikkje var det, er det fullt mogleg at det er tale om Audun på Slinde. Ut frå desse opplysningane kan ein rekna med at Audun på Slinde var gift med fru **Gyrid på Slinde**, og at desse to truleg var foreldre til fru **Margreta**.

Det er også rimeleg å tenkja seg eit slektssamband til fru Åsa på Tønjum (sjå s. 359 f.) og Jorunn, mor til Arne Trondsson (sjå s. 420). Seglet til Audun på Slinde er kjent frå 1314, og viser eit trekanta skjold med to smale tverrbjelkar som er innsette med spissar. Over bjelkane finn ein to femblada roser, samt ei ditto under bjelkane. Første gong Audun på Slinde er nemnt i kjeldene, er i samband med Roxburgh-traktaten i 1281, då han er mellom dei seks nordmennene som vert att som gislar hjå kongen av Skottland som garantar for avtalen. Han er då ikkje nemnt riddar slik det er hevda i *RN* og av P. A. Munch, men var truleg berre væpnar.¹⁷⁶⁶ Audun bør også ha vore svært ung i 1281, ettersom han framleis er i live i 1330-åra.¹⁷⁶⁷ Neste gong han opptre i kjeldene er i samband med skiftet på Kvåle i Sogndal i 1314.¹⁷⁶⁸

1765. *DN XV*, nr. 16; *RN IV*, nr. 1216; *BK*, pag. 33a–34a og 36b–37a; *BKMunch*, s. 36–37 og 39–40.

1766. *RN II*, nr. 275; P. A. Munch 1859, s. 23. Jf. *DN XIX*, nr. 305: «(...) Preterea sciendum est, quod Viuenus miles, frater Bernerij militis. Johannes filius Finni. Jsaac filius Gautonis. Andreas Petri. Elauus Arnfinnj. Auduennus de Slindon, (...)». Her ser ein at det berre er Vidkunn [Erlingsson] som er titulert riddar, og at riddaren Bjarne Erlingsson berre tener som identifikator for Vidkunn i eigenskap av å vera bror hans, og ikkje er mellom gislane. Dei resterande fem er ikkje nemnte med riddartittelen.

Ut over dette er han ikkje omtalt i kjeldematerialet. P. A. Munch meinte at han var systemann i Ytre Sogn, men det finnest ikkje dekning i kjeldene for dette.¹⁷⁶⁹ Audun på Slinde tilhørte sjølv sagt aristokratiet i eigenskap av å vera riddar. P. A. Munch reknar med at hovudarvingen etter Audun kan ha vore gift med Erlend Filippusson på Losna, ettersom Slinde (Sog 84) sidan er mellom jordegodset til Erlends svigerson.¹⁷⁷⁰ Absalon Pederssøn fortel at Slinde var odelen til Erik Rosenk-rantz, og i 1624 er dette jordegodset i eiga til Breide Rantzau.¹⁷⁷¹

1767. Det har vore diskutert om det er tale om to personar med namnet Audun på Slinde, men sjølv trur eg det berre kan vera tale om ein person. Noko meir enn magekjensle kan eg likevel ikkje slå i bordet med i denne samanhengen.

1768. *DN* VI, nr. 83 og 84; *RN* III, nr. 887 og 895.

1769. P. A. Munch 1862, s. 423. I note 2 på same side meiner Munch at det nettopp var i eigenskap av systemann han fekk oppdraget om å skifta Kvåle, men eg kan vanskeleg sjå at dette skal vera eit argument for at han hadde sysla i Ytre Sogn. Kvåle ligg i Indre Sogn, der det kan sjå ut til at Torfinn Sigvaldsson var systemann i 1322 (*DN* II, nr. 146) og 1324 (*DN* I, nr. 174).

1770. P. A. Munch 1862, s. 408, og loc. cit. note 4.

1771. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 93; NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7.

4.36 Kring Hovland i Ullensvang

Garden Hovland (Ull 85) i Ullensvang er nemnt i etter måten mange mellomalderdiplom. Dei kan henda mest interessante breva er likevel yngre, og ettersom dei set breva frå mellomalderen inn i ein større samanheng, ser eg det som naudsynt også å gjennomgå dei her.

Den 25. mars 1579 vitnar soknepresten i Eidfjord og seks lagrettemenn at dei i 1558 var på Hovland i Ullensvang sokn, og hørte opplese eit odelsbrev frå kong Håkons tid på 10 mmb i Hovland.¹⁷⁷² Dette brevet hadde Ivar Hallsteinsson¹⁷⁷³ på Hovland, som var gift med Sigrid Hallsteinsdotter, i forvaring etter at kona hans, Sigrid, var død, Jon Ivarsson «til hande». Ragnhild Persdotter, Ivars andre kone, hadde sidan øydelagt dette brevet av uforstand ved å kasta det i ei kiste full av råtne epler slik at også brevet råtna opp. Då Sigrid Hallsteinsdotter låg på sitt siste og ikkje hadde levande born etter seg, då unte ho brevet til Jon Ivarsson, som var rett arving, samt 5 mmb som ho åtte i garden. Dei andre 5 mmb åtte alt Jon Ivarsson, og han hadde arva dei etter sin morfar Torbjørn Nikolasson, noko deira arvetal på begge sider prova på følgjande måte: **Gunnar Stork** på Hovland var første odelsmann til godset, og sonen hans **Sigurd Smed** på Hovland var første arving til godset. Sigurd Smed hadde ei dotter som heitte **Jorunn**, og ho hadde to søner, den eine heitte **Gunnar Smed [el. Stork]** og den andre **Nikolas Silfestsson**. Gunnar hadde ei dotter som heitte **Unna**, og ho hadde igjen ei dotter som heitte **Sigrid [Hallsteinsdotter]**. Denne slekta var frå den eine broren, medan den følgjande er frå den andre broren. Nikolas Silfestsson hadde ein son som heitte **Torbjørn Nikolasson**. Torbjørn var far til **Gunnhild** som igjen var mor til **Jon Ivarsson**. Eit appendiks til brevet på baksida skriv at brevet forklarar korleis godset har gått frå desse slektingane Gunnar Stork [el. Smed] og Nikolas Silfestsson og deira mor Jorunn Sigurdsdotter, og til Jon «Dal» [Ivarsson].¹⁷⁷⁴ Den yngre Gunnar Stork/Smed i brevet frå 1579 er tvillaust identisk med ein Gunnar Silfestsson som bur i «Hardangher i Wll(ens)wagh sokn», og som i 1501 er «fwll oc laglegghen» ombodsmann for høvedsmannen på Bergenhus, herr Anders Mus, då han sender ei inn-

1772. Jf. DN XXI, nr. 161; RN VII, nr. 906.

1773. Såleis i brevet, ikkje «Torbjørnsson» som Velde 1957, s. 327, og dei som byggjer vidare på han (jf. t. d. Handegård 2004, s. 292 og 295), har. Patronymet Torbjørnsson hjå Ivar førekjem forøvrig alt hjå Olafsen 1907, s. 543, og vert oppatteke av Kolltveit 1963, s. 305. Alle desse gjer Ivar «Torbjørnsson» til ein son av Torbjørn Nikolasson, og såleis til ein morbror av Jon Ivarsson, noko som slett ikkje er naudsynt for å forstå arvegangen. Snarare tvert om, ettersom ein morbror til Jon Ivarsson ut frå det vi ellers kjenner til om arverekkefølgja her, ville heilt ut ha utelukka Jon Ivarsson som arving, då son ville vore nærare til arv etter far sin (Torbjørn Nikolasson) enn kva ein dotterson ville vera, og dermed også nærare til jordegodset etter Sigird Hallsteinsdotter. Ut frå opplysningane i brevet frå 1579 er det altså feil å tillegga Ivar patronymet Torbjørnsson, og å gjera han til son av Torbjørn Nikolasson må karakteriserast som ein arverettslogisk brist.

1774. NRA, Diplomsamlinga, Diplom på pergament, 25. mars 1579.

beretning om ei drapssak i Røldal.¹⁷⁷⁵ I 1487 opptre Gunnar Silfestsson som lagrettemann og brevutferdar i ei sak om garden Freim i Odda.¹⁷⁷⁶ Dottera hans, Unna, var nok gift med den Hallstein som er nemnt på Hovland i 1521, og som gjev 20 mark og 20 lodd sølv i tiendepengeskatt.¹⁷⁷⁷ Han var den nest største skatteytaren i Hardanger det året,¹⁷⁷⁸ berre forbigått av Jens/Johans på Aga,¹⁷⁷⁹ stamfar til mellom anna den seinare adelslekta Galtung på Torsnes i Jondal. Skattesummen hjå Hallstein og embetet som ombodsmann hjå svigerfaren, tyder på at dette folket kan reknast til det ein kan kalla marginaladelen. Bror til Gunnar, Nikolas Silfestsson, er ikkje kjent frå samtidige kjelder, men sonen hans, Torbjørn Nikolasson er helst identisk med den Torbjørn som er nemnt på Børve i 1521, truleg saman med svigersonen Ivar Arnesson.¹⁷⁸⁰ Både Gunnar og Nikolas Silfestssøner var etter alt å døma søner av Jorunn Sigurdsdotter og **Silfest Vikingsson** som er omtalt nedanfor (sjå s. 428). Her kan vi altså følgja ei jordeigande slekt heilt attende til 1300-talet. Diverre ser det ut til at det ikkje finnest overlevert segl etter nokon av desse folka på Hovland, før Jon Ivarsson og sønene hans frå slutten av 1500- og byrjinga av 1600-talet. Alle desse har bumerker i segla sine.¹⁷⁸¹

Tilnamnet Stork hjå den eldste Gunnar, gjer det også freistande å trekkja ei linje attende til stormannen Eindride i Guddal (rimelegvis i Kvinnherad, og ikkje Gauldal i Sunnfjord), og sønene hans Sigurd Stork og Eirik Hæl som opptre i *Heimskringla*.¹⁷⁸² Sonen til Sigurd Stork var lendmannen og kuvlunghovdingen Jon Kutissa,¹⁷⁸³ far til Eindride Torve som fall i slaget ved Fimreite i 1184.

SAK 540: 2. mars 1340, Hovland i Ullensvang: Vitnebrev frå Andres Arnesson, systemann i Hardanger, Jon bonde, Ivar i Opedal og Erlend Alvsson. Dei var til stades då **Ogmund Hauk** lét Torbjørn Bårdsson og Bjarne Guttormsson vitna at **Halldor Arnesson** for 23 år sidan (omlag 1317) gav si dotter, **Arna**, 2 mmb i Hovland (Ull 85) i heimanfølgje, og denne jorda har Ogmund hatt og fått landskyld av heilt sidan han gifta seg med Arna.¹⁷⁸⁴

1775. DN II, nr. 1016. Jf. dessutan Velde 1957, s. 327, og Handegård 2004, kap. 10.

1776. DN XXI, nr. 625. Han er nemnt sist av to lagrettemenn som utferdar brevet.

1777. NRJ III, s. 153.

1778. Velde 1957, s. 327.

1779. NRJ III, s. 155, der «Jens på Hage» betalar heile 40 mark og 40 lodd sølv i tiendepengeskatt.

1780. NRJ III, s. 153, der Torbjørn på Børve skattar 4 mark og 4 lodd sølv, medan Ivar på Børve skattar 9 mark 9 lodd sølv. Kolltveit 1963, s. 305, reknar med at også Nikolas Silfestsson har butt på Øvre Børve.

1781. K. Haukanes og J. Haukanes 1944, nr. 133, 465, 468 og 485.

1782. *HkrBA* III, Haraldssona saga, kap. VI, s. 311.

1783. *HkrBA* III, Magnúss saga Erlingssonar, kap. II, s. 375; *Sverris saga*, kap. 49, s. 53–54, kap. 63, s. 71, kap. 93, s. 100, og kap. 101, s. 108.

1784. DN IV, nr. 243; RN V nr. 298.

Dei fleste har freista identifisera **Halldor Arnesson** i dette brevet med Halldor på Holo i Vinje kyrkjesokn som er nemnt i ein ættlegg frå 1584 om garden Neseim i Myrkdalen, og som kan knytast til ætta på Hovland på 1500-talet (sjå nedanfor). Dette er etter mitt syn tvilsamt, då det ikkje er noko som helst som kan knyta Halldor Arnesson til Holo på Voss. Det er elles vanskeleg å identifisera desse folka sosialt, ettersom korkje Halldor Arnesson, **Ogmund Hauk** eller **Arna Halldorsdotter** opptrer i andre samtidige dokument.¹⁷⁸⁵ Fjerde søndag etter påske, den 17. mai, i året 1584 utferda lensmannen på Voss og nokre lagrettemenn same stad, eit vitnebrev om at Jon Ivarsson på Hovland kom for dei på Vangen kyrkjebakke, og bad dei om eit sannferdig prov om kven som hadde hatt garden Neseim (Vst 10) i Myrkdalen på Voss i hevd og brukt den og betalt frelse og skatt av den, både den tida den låg øyde og sidan den vart bygt på nytt. Dei vitna då at ingen andre enn Jon Ivarsson på Hovland og hans langfedrar før han, hadde hatt garden. Den første heitte **Halldor på Holo** i Vinje kyrkjesokn, den andre **Jostein på Holo** Halldorsson, den tredje **Bergljot Josteinsdotter** som budde på Veim i Aurland prestegjeld i Sogn, den fjerde **Arne Bergljotsson** på Veim, den femte **Ivar Arnesson** på [øvre] Børve i Ullensvang i Hardanger, og er no komen på den sjette som er Jon Ivarsson. Desse har kvar etter annan hatt i roleg hevd 22 mmb i Neseim i Myrkdalen i Vinje kyrkjesokn på Voss, med neverfang, markeskog, humle, hestebeite og fiskefang medan jorda låg øyde. Det er omlag 30 år sidan [omlag 1554] Jon Ivarsson lét salige herr Nils Henriksson, sokneprest på Voss, lesa sitt brev på Vangen kyrkjebakke om det godset han åtte her i soknet. Prestebolet på Vangen følgte 12 laupsbol i Neseim, som har følgd fire prestar i roleg hevd, og er no kome under den femte som er herr Jens Sørensson [Landgrav], som fekk jorda i «forlening» etter salige herr Nils Henriksson.¹⁷⁸⁶

1785. Ein Halldor Arnesson opptrer som part i ei sak om jordeigedom i Romsdal i 1343 (*DN XXI*, nr. 70), ein Ogmund Hauk er nemnt mellom vitna i ei sak om eit ålefiske i Enningedalen i 1387 (*DN II*, nr. 501), og ei Arna Halldorsdotter opptrer i Lom i 1418 (*DN III*, nr. 635), men det kan vanskeleg vera tale om dei same personane som i brevet frå 1340.

1786. NRA, Diplomsamlinga, Diplom på papir, 17. mai 1584. I ei sak på lagtinget noko seinare same år, vart Neseim dømt å vera Jon Ivarssons odelsjord (NRA, Diplomsamlinga, Diplom på papir, 17. juni 1584). Nokre fleire opplysningar om slektstilhøva kjem fram i eit vitnebrev dagsett Aurland den 29. september 1556, og utferda av Einar Arnbjørnsson, Lars Erlendsson, Magnus Arnfinnsson, Olav Ingebrigttsson, Amund Arnbjørnsson og Eiliv Eriksson, lagrettemenn i Aurland i Sogn, og Anders i Undredal, kongens lensmann same stad. Kom for dei på skipreidinget Jon Ivarsson og spurte dei om garden Veim (Aur 18) som Jørgen [Hansson] skrivars fut tok [vel i 1520-åra] utan lov frå hans farbror Kåre Arnesson. Dei svara at dei mintest vel at Arne på Veim åtte to søner, den eine heitte Kåre og den andre Ivar. Så døydde Arne. Kåre var då 20 år gammal og Ivar 3 år. Kåre tok arven under seg og vart sin brors ombodsmann. Deretter mista Kåre forstanden, og dermed tok futen jorda utan lov og dom, inkludert den delen som bror hans åtte. Dei var dei vitterleg at Veim er hans rette odell, og at Arnes forfedrar har hatt den mann etter mann, og aldri kome i utarv. Ivar vart oppfostra i Hardanger hjå morsætta si, og fekk aldri arv etter sin far (*DN XXI*, nr. 1049).

SAK 541: 18. mai 1371, Ullensvang(?): Salsbrev frå **Orm Helgesson**. Han har selt til **Kjetil Nikolasson** 1 mmb i Hovland (Ull 85) i Ullensvang sokn i Hardanger for 10 laupar, og fått full betaling.¹⁷⁸⁷

Orm Helgesson har eg berre funne i eitt anna brev. Det er då han er nemnt først av to menn som utferdar eit vitnebrev om jordsal på Instanes i Ullensvang i 1377.¹⁷⁸⁸ Seglet hans, som vi kjenner frå 1371-brevet, inneheld eit bumerke. Det er såleis vanskeleg å identifisera han sosialt, men at han er brevutferdar i 1377 tyder på at han må rek-nast til den lokale eliten.



Figur 125. Seglet til Orm Helgesson frå 1371 (*NoSiggV*, nr. 875).

Kjetil Nikolasson kan eg ikkje sjå opptrer i andre brev enn dei som vedgår denne og den følgjande saka.¹⁷⁸⁹ Eg meiner likevel det er trygt å rekna han til den lokale eliten i Hardanger på bakgrunn av slektstilhøva.

SAK 542: 12. februar 1375, Ullensvang: Salsbrev utferda av **Amund Torbjørnsson**: Han har selt **Kjetil Nikolasson** 1 mmb i Hovland i Ullensvang sokn i Hardanger (Ull 85) for 10 lauper, og fått full betaling.¹⁷⁹⁰

Amund Torbjørnsson har eg ikkje lukkast i å finna ytterlegare opplysningar om, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 543: 28. januar 1430, Opedal i Ullensvang: Vitnebrev frå Eiliv Erlingsson og Arne Borgarsson. Dei var til stades då **Arne Sigurdsson** og **Øyolv Kolbjørnsson** selde til **Viking Kjetilsson** fire partar i ½ mmb i Hovland (Ull 85) i Ullensvang sokn i Hardanger, og **Sigurd Sigurdsson** selde den femte parten det same ½ mmb. Vidare selde **Gudrid Torsteinsdotter** til Viking Kjetilsson ½ mmb i same garden. Alle vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁷⁹¹

Ut frå dei små partane i garden som her vert selde, samt at det ser ut til at tre av dei involverte eig i den same vesle parten, er det rimeleg å rekna **Arne Sigurdsson** som bror til **Sigurd Sigurdsson**, og **Øyolv Kolbjørnsson** som gift med ei søster av dei. Truleg er **Gudrid Torsteinsdotter** mor til Arne, Sigurd og søstera deira som er gift med Øyolv. Den lokallhistoriske litteraturen reknar med at Gudrid var gift med den før nemnte Sigurd Smed på Hovland, og at dei andre involverte her er barn

1787. *DN V* nr. 265; *RN VII*, nr. 128.

1788. *DN IV*, nr. 506; *RN VII*, nr. 673.

1789. Det opptrer ein Kjetil Nikolasson i Valdres i 1366 (*DN V*, nr. 253) og 1375 (*DN IX*, nr. 168), men det er neppe den same mannen.

1790. *DN I* nr. 430; *RN VII*, nr. 467.

1791. *DN IV*, nr. 841.

av dette ekteskapet.¹⁷⁹² Det kan godt vera mogleg at det er slik, men namnet Sigurd er for vanleg til at eg utan vidare vil slutta meg til det. Noko meir om desse fire har eg ikkje funne.

Viking Kjetilsson er tvillaust identisk med den Viking Kjetilsson som på Langeseter i Kinsarvik den 26. mai 1427 vert forlikt med Erlend Ogmundsson om arven etter Herborg Kjetilsdotter.¹⁷⁹³ Det er nærliggjande å tru at Herborg var søstera til Viking Kjetilsson, og at Erlend Ogmundsson var enkjemannen hennar. Ut over dette og dei to sakene han er involvert i, kan eg ikkje sjå at han er omtalt i kjeldene. Eg meiner likevel det er rimeleg å rekna han til den lokale eliten på bakgrunn av slektstilhøva hans. Han må vera son til Kjetil Nikolasson, og far til Silfest Vikingsson.

SAK 544: 1. oktober 1445: Vitnebrev frå Hallstein Bjarnesson og Omund Øyolvsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Eirik Rikolvsson** vedgjekk å ha selt til **Viking Kjetilsson** åttandeparten i den øvre eplehagen i Hovland (Ull 85) i Ullensvang kyrkjesokn i Hardanger, og fått full betaling.¹⁷⁹⁴

Eirik Rikolvsson har eg ikkje funne meir informasjon om, og han let seg ikkje identifisera nærare.

SAK 545: 14. juni 1449, Hovland i Ullensvang: Vitnebrev frå Eindride Arnfinnsson og Samson Erlingsson, lagrettemenn i Hardanger. Dei var til stades då brørne **Birger Eindridesson** og **Halle Eindridesson** selde til **Silfest Vikingsson** 1 åtting i eplegarden i Hovland (Ull 85) i Ullensvang kyrkjesokn i Hardanger, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁷⁹⁵

Birger Eindridesson og bror hans, **Halle Eindridesson**, har eg heller ikkje funne ytterlegare opplysningar om.

Silfest Vikingsson er tvillaust mannen til Jorunn Sigurdsdotter, og dermed far til Gunnar og Nikolas Silfestssøner som er omtalte i starten av dette delkapitlet. Heller ikkje han har eg funne opptre i andre kjelder enn dei breva som vedkjem denne og neste sak. Det einaste er ei påskrift på eit brev om jordal i Reisæter i Ullensvang frå 1381, referert i sak 96, der det under avskrifta står teikning av seglbretten med 3 segltreimar, og følgjande påskrift: «Den ombrudte Kant for Seglene thæn jend reidsetter soldhe silfast vikinghsom».¹⁷⁹⁶ Han må dermed også ha ått jord i denne garden.

1792. Jf. Handegård 2004, kap. 10.

1793. DN IX, nr. 243.

1794. DN XVIII, nr. 64.

1795. DN IV, nr. 908.

1796. DN XXI, nr. 162; RN VII, nr. 949.

SAK 546: 22. juli 1449, Hovland i Ullensvang: Vitnebrev frå Sigurd Torleivsson og Hallvard Bessesson, lagrettemenn i Hardanger. Dei var på Djonno då **Torleiv Ivarsson** selde til **Silfest Vikingsson** 1 åttung i eplegarden i Hovland (Ull 85) i Ullensvang sokn, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁷⁹⁷


Torleiv Ivarsson er handsama tidlegare (sjå s. 148).

1797. DN IV, nr. 910.

4.37 Rømer og Bolt

Slekta Rømer var opphavleg ei gammal mecklenburgsk adelsslekt som også vart kalla van Rome. Ein Heinrich van Rome var i 1230 vitne ved eit forlik mellom fyrstane av Mecklenburg og Werle samt greven av Schwerin. I 1304 opptre ein riddar Henning van Rome.¹⁷⁹⁸ Korleis desse var i slekt med den slektsgreina som dukkar opp i Noreg på 1300-talet, er usikkert, men Geirr Leistad skisserte ei mogleg løysing i ein artikkel frå 1985. Tavla nedanfor byggjer dels på den.

Tavle 26. Rømer.¹⁷⁹⁹



1798. *DAA* 1913, s. 473.

1799. I hovudsak etter H. Sollied 1938; Gillingstam 1957; Leistad 1985a.

SAK 547: 29. september 1361, Båhus: Gåvebrev frå kongane Magnus [Eriksson] og Håkon [Magnusson]. **Otte Rømer** har tent dei lenge, og til løn gjev dei han no alt det godset som fall til krona i Noreg etter **Audun Hestakorn** (sjå kap. 4.4) og som **Algot Bengtsson (Bendiktsson)** seinare hadde på livstid, både det som ligg i Nordfjord i Bergen fehirdsle og det som ligg andre stader, med unnatak for det som er gjeve til klostre og kyrkjer. Godset skal vera odel for dei borna som Otte får med kona si, Gjertrud. Døyr han barnlaus skal Gjertrud om ho lever ha halve godset for levetida si, deretter skal det falla tilbake til krona.¹⁸⁰⁰

Otte Rømer er nemnt første gong i dette brevet frå 1361, og Henning Sollied reknar då med at han var i byrjinga av 20-åra og truleg nygift. Han er neppe identisk med den Otte Rømer som opptre i Mecklenburg saman med broren Harneyt Rømer i mai og august 1370, ettersom den «norske» Otte opptre som medlem av riksrådet på Båhus i juli same år. Dei fører også forskjellige våpen. I 1371 er han fehirde og hirdstjore i Trondheim, i 1385 systemann på Hålogaland, og opptre stadig som riksråd. I 1390-åra vart han høvedsmann på Bergenhus. Framleis i 1398 er han væpnar, men er nemnt



Figur 126. Seglet til Otte Rømer frå tida 1389–1398 (*NoSigV*, nr. 1130, jf. nr. 862).

første gong som riddar i 1400. Siste gong han er nemnt i live er i eit brev dagsett Bergen den 19. august 1409, og han må vera død før 30. november 1411 då sonen Svale let lesa kongebrev på Nordfjordgodset. Han var, som det går fram av denne saka, gift med ei Gjertrud som vi ikkje veit meir om, og som berre er kjent frå dette brevet.¹⁸⁰¹

Algot Bengtsson tilhørte ei vestgøtsk frelseslekt som i svensk historieskriving går under nemninga *Algotssonenes ætt*, etter stamfaren Algot Brynjolfsson (n. 1260–1298) som var lagmann i Västergötland. Algot Bengtsson er nemnt i tida 1322–1358, som lagmann i Västergötland 1344–1358.¹⁸⁰² Jordegodset, som ikkje er nærare spesifisert enn at det er sagt å ha lagt i Nordfjord samt andre stader i Bergen fehirdsle, må sjåast på som ei forlening, og gjekk ikkje i arv til arvingane etter Algot.


SAK 548: 21. oktober 1389, Bergen: Vitnebrev utferda av Heinze Rev og Jon Lodvardsson. Dei gjorde kjent at herr **Svale [Olversson]** åtte sjøhusa i Galgen, og **Otte Rømer** (sjå ovanfor) etter han.¹⁸⁰³

1800. *DN* II, nr. 365; *RN* VI, nr. 794.

1801. H. Sollied 1938, s. 252–256; Opsahl 2003d.

1802. Koit 1957.


1803. *DN* I, nr. 518; *RN* VII, nr. 1551.



Figur 127. Seglet til Svale Olversson frå 1353 (*NoSigV*, nr. 605)

Herr **Svale Olversson** er rimelegvis morbror til Otter Rømer som er omhandla ovanfor.¹⁸⁰⁴ Han opptrer første gong i 1353, og er då medlem av riksrådet og truleg også riddar. Noko seinare same år kjøper han jordegods i Borgarsysla, i 1357/58 kjøper han eit laksefiske i Sokndal av herr Sigurd Havtoresson, og i 1358 kjøper han jord i garden Børke på Frogner på Romerike. Svale Olversson var også i 1356 systemann på Hålogaland. Etter dei islandske annalane døydde han i 1363.¹⁸⁰⁵

SAK 549: 14. april 1398, Bergen: Kvittering frå **Svale Rømer**, på eigne og sin fars vegne, til skomakarane i Bergen for 9 pund engelsk mindre enn 5 skilling i husleige.¹⁸⁰⁶



Figur 128. Seglet til Svale Rømer frå 1389 (*NoSigV*, nr. 1134).

Svale Rømer er nemnt første gong i 1388, og er då yngste medlem av riksrådet. Han opptrer som væpnar og riksråd i fleire brev mellom 1389 og 1415, men det ser ikkje ut til at han nokon gong fekk riddarslaget. I 1388 vert han kalla Svale Ottesson, eit par gonger er han omtalt som Svale Remarsson (Rømersson), men stort sett opptrer han berre som Svale Rømer. Han har neppe hatt born, og om han i det heile har vore gift veit ein ikkje.¹⁸⁰⁷

SAK 550: 4. oktober 1404, Bergen: Vitnebrev frå Einar Eindriddesson, Gulatings og Bergens lagmann, Jens van Kampen, prest ved Allehelgenskyrkja, og Eiliv Torsteinsson, rådmann i Bergen. Dei var til stades då herr **Jakob Fastulvsson** handtokst med Gudrid Jonsdotter og bygsla henne badstova si på Berget i Bergen for tre år mot 15 skilling årleg leige.¹⁸⁰⁸

1804. Leistad 1985a, s. 125–126. H. Sollied 1938, s. 256, skriv at Gjertrud, kona til Otte Rømer, har vore ei dotter av Svale Olversson, men i H. Sollied 1939–1940, s. 263, har han på bakgrunn av arvetalet kome til at Otte må ha vore ein søsterson av Svale Olversson, slik Halkjell Hallvardsson også er.

1805. H. Sollied 1938, s. 250–251.

1806. *DN* II, nr. 554; *RN* VIII, nr. 628.

1807. H. Sollied 1938, s. 257–258.

1808. *DN* II, nr. 581; *RN* VIII, nr. 1331.

Herr **Jakob (Jep) Fastulvsson** er nemnt første gong i 1388, og var då væpnar og medlem av riksrådet. Han var truleg svenskfødd, men rimelegvis også ein nær slektning av den norske riddaren og riksråden Narve Ingvaldsson som ein kjenner frå åra 1363–1383, og som fører det same våpenet.¹⁸⁰⁹ Jakob Fastulvsson var blitt riddar i 1401, og opptrer i kjeldene fram til 1424. Kring 1390 vart han gift med **Elsebe Ottedotter**, søstera til Svale Rømer, som overlevde mannen sin i mange år, og som truleg også overlevde sonen sin, Narve Jakobsson, som framleis var i live i 1444.¹⁸¹⁰



Figur 129. Seglet til Jakob Fastulvsson frå 1401 (*DN I*, nr. 575). Teikning i NRA, KA.

SAK 551: 26. juni 1405, Bergen: Vitnebrev utferda av Sander Sasse, Gødike Gødiksson, Agmund Øysteinsson, Kalle Jonsson og Simon Karlsson. Dei var til stades i prostegarden i Bergen då **Ingebjørg Sigurdsdotter** selde til herr **Otte Rømer** (sjå s. 431), så mange hus som ho åtte i Galgen i Maria kyrkjesokn i Bergen, og som ho hadde arva etter sin far og mor.¹⁸¹¹

Ingebjørg Sigurdsdotter har vist seg vanskeleg å identifisera sikkert, ettersom det finnest fleire moglege kandidatar til kven ho kan vera. Ho kan ikkje vera identisk med søstera til riddaren Toralde Sigurdsson, ettersom ho er død før 1399.¹⁸¹² Ut over dette opptrer det tilsynelatande to kvinner med dette namnet i 1380-åra, og som kan vera aktuelle. I 1382 klagar ei Ingebjørg Sigurdsdotter over at ho ikkje får retten sin vedrørande garden søre Vignes i Finnøy i Ryfylke,¹⁸¹³ medan ei Ingebjørg Sigurdsdotter i 1388 er involvert i ei sak om ein part i garden Nese i Klepp på Jæren, som herr Ogmund Finnsson hadde gjeve til Koll Eindridesson, som var far til Ingebjørgs barn.¹⁸¹⁴ Begge desse kan vera aktuelle, og det kan dessutan tenkjast at det er tale om ei og same Ingebjørg i desse to sakene. Noko sikkert er likevel uråd å seia, og Ingebjørg Sigurdsdotter frå 1405 let seg dermed ikkje identifisera sikkert. Det er likevel rimeleg å rekna henne til den lokale eliten på bakgrunn av byeigedom i ein bygard der ein også veit at aristokratiet hadde eigedom på same tid (jf. sak 548 ovanfor).

1809. *DAA* 1913, s. 475, gjer Jakob Fastulvsson til ein brorson av Narve Ingvaldsson, men nokon Fastulv Ingvaldsson er ikkje kjend frå kjeldene.

1810. H. Sollied 1938, s. 259–260; A. Johnsen 1949. Jf. J. T. Larsen 1970, vedlegg I, s. 19–20.


1811. *DN I* nr. 602.

1812. Vigerust 1997a, s. 14. Det er rimelegvis ho som er den fru Ingebjørg Sigurdsdotter som opptrer i eit brev i Tunsberg frå 1384 (*DN I*, nr. 489 og XI, nr. 70; *RN VII*, nr. 1168).

1813. *DN VII*, nr. 310 og 312; *RN VII*, nr. 1019 og 1041.

1814. *DN IV*, nr. 550; *RN VII*, nr. 1449.

SAK 552: 1. mai 1410, Oslo: Salsbrev frå **Agmund Bolt**, riddar, og **Bjarne Amundsson**. Dei har selt til herr **Aslak [Bolt]**, biskop i Bergen, så mykje som dei åtte og arva etter **Hallstein Jonsson** i Gjemmestad (Glo 9) i Nordfjord, og fått full betaling.¹⁸¹⁵



Figur 130. Over, seglet til Agmund Berdorsson Bolt frå tida 1389–1412 (*NoSigV*, nr. 1131, jf. nr. 867 og 1093), og under, seglet til Bjarne Amundsson frå 1392–1395 (*NoSigV*, nr. 1180).



Riddaren **Agmund Berdorsson Bolt** var etter alt å døma søskenbarnet til mor til biskop Aslak Bolt.¹⁸¹⁶ Han er første gong omtalt i 1370, og fram til 1405 tilhørte han den framste krinsen av adelsmenn i Noreg. Frå 1381 er han nemnt som medlem av riksrådet, i 1387 er han nemnt syslemann i Borgarsysla, og truleg vart han riddar i 1397. I 1405 vart han brått fjerna som høvedsmann på Akershus, eit ombod han ser ut til å ha hatt sidan før 1390. Han er nemnt siste gong i 1419, og arveoppgjeret etter han vart halde i 1422. Det meste av jordegodset hans låg i Borgarsysla, men han åtte også jord i Hurum, i Vestfold, og andre stader på Austlandet, forutan også i Nordfjord slik det går fram av denne saka og sak 555 nedanfor.¹⁸¹⁷

Bjarne Amundsson var gift med ei Gyrid Aslaksdotter som igjen må ha vore slekt i biskopen. Korleis dette slektskapet var, er førebels uvisst. Bjarne Amundsson var rådmann i Oslo, og er nemnt i kjeldene i tida 1392–1425, og Karl Fougli omtalar han som den største «ikke-geistlige godsherre [i Oslo] ved aarhundredeskiftet». Etter at han var død vart enkja, hustru Gyrid, gift med Oslo-lagmannen Håkon Hoskuldsson.¹⁸¹⁸

Aslak Bolt var son av bergensrådmannen Harnikt Henningsson og Sigrid Aslaksdotter (Bolt). I 1407 vart han valt til biskop i Oslo, men nådde neppe å tiltre som biskop her før han vart forflytta til Bergen der han heldt si første messe i januar 1408. Han vart verande biskop i Bergen i tjue år, til han i 1428 vart postulert til ny erkebiskop i Nidaros. Han døydde truleg i 1450.¹⁸¹⁹ Av privat jordeigedom ser ein av sakene her (samt sak 629 nedanfor) at han åtte jord både i Nordfjord, Sogn og Nordhordland.

1815. *DN XII*, nr. 144.

1816. H. Sollied 1938, s. 265–266.

1817. H. Bjørkvik 1999b; Norseng og Eliassen 2005, s. 228 og fleire stader.

1818. H. Sollied 1938, s. 265–266; Langekiehl 1991, s. 49–50. Jf. Fougli 1916, s. 186–187.

1819. Dybdahl 1999.

Vedrørende **Hallstein Jonsson**, så kjem det fram i saka nedanfor at han i mange år hadde gjort teneste hjå foreldra til biskop Aslak Bolt, og hadde vore sveinen deira. Meir informasjon har eg ikkje lukkast i å finna om han, og han let seg dermed ikkje identifisera sikkert. Opplysninga om at han tenestegjorde som svein hjå foreldra til Aslak Bolt, som må reknast til aristokratiet, kan indikera at også han må reknast til dette sosiale sjiktet, men det er uvisst. I det minste må han reknast til eit lokalt elitesjikt.

SAK 553: 30. november 1411, Bergen: Vitnebrev frå Baltasar van Damme, Olav Toresson, Arvid Ingielsson, Jon Tordsson, Sigurd Unasson, Alv Torsteinsson, Halvdan Magnusson og Erlend Jonsson, rådmenn i Bergen. Dei var til stades i målstova i bispegarden i Bergen, i nær-være av herr Aslak, biskop i Bergen, abbeden i Munkeliv, korsbrørne same stad, lagmennene og fleire andre gode menn. Der var også Snubbe Petersson og Jusse Olavsson. Snubbe møtte i fullt ombod for Peter Olavsson på kongedømetts vegne. Dei høyrde at ærleg og velboren mann **Svale Rømer** (sjå s. 432) leste opp to kongebrev, der kongane Magnus og Håkon gav til herr Otte Rømer det godset som Audun Hugleiksson hadde ått. Svale forbaud Snubbe Petersson (og Peter Olavsson) å heva landskyld av dette godset, og han var klar til å hevda retten sin til dette godset mot alle.¹⁸²⁰

SAK 554: 26. januar 1412, Bergen: Domsbrev utferda av Einar Eindridesson, lagmann i Bergen. Med samtykke frå biskop Aslak [Bolt] og rådmennene i Bergen, tildømmer han velborne mann **Svale Rømer** (sjå s. 432) det godset i Nordfjord som kongane Magnus og Håkon hadde gjeve til herr **Otte Rømer** (sjå s. 431), og som **Audun Hestakorn** (sjå kap. 4.4) hadde ått, men der Snubbe Petersson på vegne av Peter Olavsson, fehirde i Bergen, den siste tida har heva landskyld av.¹⁸²¹

SAK 555: 9. juli 1418, Bergen: Gåvebrev frå biskop **Aslak [Bolt]** (sjå s. 434) i Bergen. Han gjev til si søster **Elsebe Harniktsdotter**, i tillegg til det ho alt eig i garden, sin del i garden Gjemmestad (Glo 9) i Nordfjord, som han hadde kjøpt av sin frende herr **Agmund Bolt** (sjå s. 434) og sin måg **Bjarne Amundsson** (sjå s. 434), og som dei igjen hadde kjøpt av **Hallstein Jonsson** (sjå s. 435), som i mange år hadde tent far til biskopen og stod i gjeld til han.¹⁸²²

28. januar 1419, Bergen: Makeskiftebrev frå **Johan Molteke**. På vegne av si hustru **Elsebe Harniktsdotter** har han gjort makeskifte med herr Stein, abbed i Munkeliv kloster. Han har gjeve til klosteret ein gard som heiter Gjemmestad i Gjemmestad sokn i Gloppefjorden i Nord-

1820. DN I, nr. 630.

1821. DN II, nr. 620.

1822. DN XII, nr. 162.

fjord, og som er på 20 mmb og no gjev 6 laup i landskyld. Helvta i denne jorda fekk hans hustrus far og mor av **Hallstein Jonsson** (sjå s. 435), som var sveinen deira, og den andre helvta løyste biskop **Aslak** (sjå s. 434) i Bergen, bror hennar, frå herr **Amund Bolt** (sjå s. 434), riddar, og **Bjarne Amundsson** (sjå s. 434). Mot dette fekk Johan Molteke ein tomt på Stranden i Bergen, nest nedanfor Munkeliv, mellom erkebispergarden og dei nye husa som Torbjørn i Bildøy har late setja opp der.¹⁸²³

Elsebe Harniktsdotter er berre kjent frå desse to breva som er refererte i denne saka. Ein veit heller ikkje om ho kan ha vore gift fleire gonger, eller om ho hadde barn. Mannen hennar, herr **Johan Molteke**, er i tida 1444–1449 nemnt som riddar og norsk riksråd, og kan henda er han identisk med den Johan Molteke som i 1412 deltok i forhandlingar mellom hertugen av Braunschweig og kong Erik på kongens side, og då er kalla væpnar. Etter 1449 er han ikkje nemnt i kjeldene.¹⁸²⁴

SAK 556: 1. september 1435, Bergen: Vitnebrev frå erkebiskop Aslak [Bolt]. Då han var biskop i Bergen vart han kalla til dødsleiet til velboren mann **Svale Rømersson** (sjå s. 432) for å høyra testamentet hans. Då Svale, på søster Cecilias bøn, ville gje bort Myklebostad (Eid 44) i Eid skipreide i Nordfjord, motsette hans søster, fru **Elsebe** (sjå s. 433), seg dette, og sa at garden etter kong Magnus sitt brev var slektas arvegods som skal følgja barn etter barn, og at han ved pantsetjinga av Fresje og Fresje gods hadde sikra henne så mykje gods som svara til ein tredjung av det Fresje gods var verd.¹⁸²⁵

Fru **Elsebe Ottedotter** er handsama ovanfor saman med mannen, herr Jakob Fastulvsson (sjå s. 433). Det er elles ut frå konteksten i brevet dessutan rimeleg å rekna med at garden Myklebostad opphavleg var ein del av Audun Hugleikssons gods.

SAK 557: 7. september 1435, Bergen (1): Vitnebrev om forlik frå Torstein Nikolasson, kannik i Nidaros, Nikolas prest på Alstahaug, Stein Olavsson, Jon Tordsson Benkestokk og Arne Pålsson lagrettemann i Bergen. Dei var til stades då herr **Aslak [Bolt]** (sjå s. 434), erkebiskop i Nidaros, handtokst med **Hallvard Hallvardsson**, om den arven som herr Aslak hadde etter farbror sin, **Henning Henningsson**, som var ektemannen til **Margreta Hallvardsdotter**, mor til Hallvard Hallvardsson. I bryllaupet deira hadde dei lagt alt sitt gods, både laust og fast, i helmingsfelag, og Margreta, mor til Hallvard, hadde site med godset etter at Henning Hen-

1823. DN XII, nr. 166.

1824. Y. Nielsen 1880a, s. 300; H. Sollied 1938, s. 267; J. T. Larsen 1970, vedlegg I, s. 70–71. I følge *DAA* var han son av den danske riddaren og høvedsmannen på København slott og på Nykøbinghus, Evert Molteke til Helsingø, og bror til riddaren Valdemar Molteke (n. 1438–1447, † før 1475), men det er tvilsamt om dette er rett (*DAA* 1921, s. 503–504; jf. J. T. Larsen 1970, vedlegg I, s. 70).

1825. DN I, nr. 749.

ningsson var død. Etter at Margreta var død hadde Hallvard, son hennar, og **Tore Raud**, mågen hans, site med godset til denne dag. Hallvard overlot til herr Aslak på sine egne vegne halve Manger (Man 45) og halve Berg (Man 45), som ulovleg var selt før arven var skifta, samt den jorda som heiter Dal (Her 42) og som ligg i Herdla skipreide og tilhøyrrer prestebølet i Manger.¹⁸²⁶

7. september 1435, Bergen (2): Gåvebrev frå **Aslak [Bolt]** (sjå s. 434), erkebiskop i Nidaros. Han gjev til kyrkja i Manger halve nedre Manger og halve Berg, som han har arva etter sin farbror **Henning Henningsson**. Han har også høyrte at **Tore Raud** selde til **Hallstein Smed** heile Berg, men han hadde ingen rett til å selja erkebiskopens halvpart, av di Henning Henningsson og **Margreta Hallvardsdotter** hadde lagt helmingsfelag i både laust og fast. Et cetera.¹⁸²⁷

Henning Henningsson har eg ikkje funne omtalt i samtidige kjelder, men han må reknast til det same sosiale sjiktet som broren og brorsonen. Det same gjeld for enkja hans **Margreta Hallvardsdotter**, sonen hennar **Hallvard Hallvardsson**, samt det som vel må vera versonen hennar, **Tore Raud**. Ingen av desse har eg funne ytterlegare informasjonar om.

Hallstein Smed har det heller ikkje lukkast å finna ytterlegare opplysningar om, og han let seg heller ikkje identifisera nærare.

SAK 558: 24. juni 1445, Trondheim: Kunngjering frå **Aslak [Bolt]** (sjå s. 434), erkebiskop i Nidaros. Av di han ikkje har nokon nærare frende på farssida enn Henrik Jensson, gjev han til han, både for skyldskap og tru teneste, følgjande gardar: «Jubergh» og «Hernes» på Frosta, Sommarvål i Orkdalen, «Ree» og «Aass» i Meldal prestegjeld, som erkebiskopen kjøpte av **Peter Toresson** (sjå s. 447) for eit halvt stykke klede frå hans eigen gard i Bergen, og for hans eige gods Gjemmestad (Glo 9) i Nordfjord, som han hadde arva etter far sin, og for ei sølvskål som mor hans åtte.¹⁸²⁸

Peter Toresson er handsama på s. 447 nedanfor.

SAK 559: 30. september 1472, Bergen: Domsbrev utferda av erkebiskop Olav i Trondheim, biskop Finnboge i Bergen, Svein Eiriksson, diakon i Trondheim, Jon Smør og Henrik Jensson, riddarar, Trond Benkestokk og Reidulv Stigsson av våpen, Hans Petersson i lagmanns stad i Bergen, Mattis Palnesson, Jakob Jensson og Amund Koggenagel, rådmenn i Bergen. Kom for

1826. DN I, nr. 750.

1827. DN I, nr. 751.

1828. DN V, nr. 731.

dei herr **Alv Knutsson** (sjå s. 284), riddar, på den eine sida, og herr **Jakob Matsson**, kannik i Trondheim, og **Otte Matsson** av våpen på den andre sida, i sak om arven og godset etter hustru **Gjertrud Jakobsdotter** (sjå s. 269), og det ho hadde arva etter borna sine som ho hadde med **Håvard Botolvsson** (sjå s. 259), fru Magnhilds farbror. Dei tildømmer herr Alv Knutsson, på vegne av si hustru fru **Magnhild Oddsdotter** (sjå s. 269), alt det odelsgodset som hustru Gjertrud arva etter sine born og Håvard Botolvsson, kvar det enn er liggjande.¹⁸²⁹

Jakob Matsson er son av riddaren Mats Jakobsson og Gro Alvsdotter, og soneson av Jakob Fastulvsson (sjå s. 433), og er nemnt første gong i 1458 då han saman med broren Otte Matsson i 1458 tilkjenner søstera Gjertrud full brorlott i arven etter far deira. Han er då nemnt kannik i Trondheim. I 1488 og 1498 er han kannik ved Mariakyrkja i Oslo.¹⁸³⁰



Figur 131. Seglet til Otte Matsson frå 1493 (DN V, nr. 962). Teikning i NRA, KA.

Otte Matsson er også nemnt første gong i 1458. Han er nemt væpnar i 1463, 1472 og 1481, og vart truleg riddar i 1483 ved kroninga av kong Hans. I perioden 1489–1499 er han nemnt som befalingsmann på Bergenhus. Siste gong han opptrer i kjeldene er i 1508, og han er død før 25. april 1512. Han var etter alt å døma gift med Ingeborg Lydersdotter, dotter av væpnaren Lyder van Bergen.¹⁸³¹

SAK 560: 14. oktober 1493, Bergen: Gåvebrev frå **Otte Matsson**, riddar og høvedsmann på Bergenhus. Han gjev til domkapitlet i Nidaros ½ spansleige i «Gudhestadhe» på Byneset, samt heile den luten som tilkjem han og hans arvingar i Bergsbadstova i Bergen ved Martinskyrkja, til sjelehjelp for seg sjølv, hans hustru, born og foreldre.¹⁸³²

SAK 561: 3. oktober 1499, Bergen: Salsbrev frå **Magnus Olavsson** («Mogens Olsen»). Han har selt til herr **Otte Matsson** heile den parten i Lepsøy (Os 31) som tilhørte **Olav Sigmundsson**, til evig eige, som årleg rentar 1 laup smør og 1 hud.¹⁸³³

Korkje **Magnus Olavsson** eller **Olav Sigmundsson** er kjende frå andre kjelder, men det er rimeleg å rekna med at dei er far og son.

1829. DN II, nr. 886.

1830. H. Sollied 1938, s. 262; H. Sollied 1939–1940, s. 64.

1831. H. Sollied 1938, s. 263; H. Sollied 1939–1940, s. 64; Opsahl 2003e.

1832. DN V nr. 962.

1833. NHD 1. Række I, s. 132.

4.38 Kring Bødalen og Sæta i Loen

Nokre innførslar i *BK* inneheld opplysningar om donasjonar av jordegods i Bødalen i Nordfjord. Ein **Olav «bræidr»** gav 1 mmb i Bakkatun i Bødalen (Stryn 77) til presten i Olden, medan ei **Margret «barta kona»** gav ½ mmb i Bø[dalen] (Stryn 77) til kyrkja i Olden. **Inga på Sunde** er sagt å ha gjeve ½ mmb i Nesdalen (Stryn 77–78) for sjela til Sigurd, husbonden sin, til presten i Loen, medan ei **Sigrid** gav 1 tveitesleige i Hogrenning (Stryn 75) til kyrkja i Loen.¹⁸³⁴ Ingen av desse har vore mogleg å identifisera nærare, men eigedom i alle gardane kjem att i sakene nedanfor, og det er dermed rimeleg å rekna med at ein eller fleire av donatorane i *BK* er slektingar av dei som er involverte i sakene nedanfor.

SAK 562: 1. februar 1360: Salsbrev frå **Einar Hugleiksson**. Han har selt til **Isak Helgesson** 8 månadsmatleiger i «Fanatunum» i Bø (Stryn 77) i «Gardudall», og fått full betaling.¹⁸³⁵

Både **Einar Hugleiksson** og **Isak Helgesson** er mellom dei som den 25. januar 1367 utferdar brevet som er referert i den følgjande saka. Ut over det kan eg ikkje sjå at dei opptrer i andre kjelder. Ettersom dei påviseleg har eigedomsinteresser i Bødalen i Stryn, og likevel står som brevutferdarar i den følgjande saka, er det ikkje urimeleg å rekna med at Isak Helgesson er far til Sigurd Isaksson nedanfor. Når Erlend Jonsson eig opp mot 40 mmb jordegods må han minst reknast til ein lokal elite, og ettersom Isak Helgesson er nemnt framfor han i 1367, må også han reknast til det same sjiktet. Med rimeleg grad av visse kan dermed også Einar Hugleiksson reknast til den lokale eliten.

SAK 563: 25. januar 1367, [Loen i Nordfjord]: Vitnebrev om makeskifte utferda av Isak Helgesson, Erlend Jonsson, Einar Hugleiksson og Arnfinn Bårdsson. Dei var til stades då **Øystein Simonsson**, i ombod for dottera si (og dotterdotter til **Erlend Jonsson**) **Gudrid**, handtokst med **Sigurd Isaksson** og **Ragnhild**, kona hans. Øystein avhenda til Sigurd og Ragnhild 8 mmb i midtre tunet i Myklabø i «Gardudall» (Stryn 77), som Erlend hadde overlate til han i heimanfølgje med Sigrid, dotter si. Sigurd og Ragnhild avhenda til Øystein og Gudrid 3 ½ mmb i inste tunet i Vinsrygg (Breim 41) i Breim skipreide, og ½ mmb i Helheim (Jøl 6) i Jølster i Sunnfjord, samt 3 mark forngilde i korn og buskap.¹⁸³⁶

Erlend Jonsson må reknast til den lokale eliten. I tillegg til at han er medutferdar av brevet her, og jamvel er part i transaksjonen, kjem det fram i den følgjande saka at han åtte opp mot 40 mmb jord i Loen, konsentrert kring Lovatnet. Han er rimelegvis død før 1401.

1834. *BKMunch*, s. 12–13; *BK*, pag. 7a–8a.

1835. *DN XIII*, nr. 22; *RN VI*, nr. 649.

1836. *DN XIII*, nr. 28; *RN VI*, nr. 1185.

Øystein Simonsson var gift med dottera hans, Sigrid Erlendsdotter, og er far til **Gudrid Øysteinsdotter** som han opptrer på vegne av i denne saka. Kvifor han gjer dette er litt uklårt, men den enklaste løysinga er kan henda at **Ragnhild**, som her er gift med **Sigurd Isaksson**, kan vera ei søster av Sigrid, eller jamvel ei dotter av Sigrid frå eit tidlegare ekteskap. Ei form for slektskap er det i alle høve rimeleg å rekna med mellom desse folka. Forutan Sigurd Isaksson, som er medutferdar av brevet i neste sak, kan eg ikkje sjå at nokon av dei involverte opptrer i andre kjelder. Det er likevel rimeleg å rekna dei til den lokale eliten i Nordfjord.

SAK 564: 1. juli 1401, Sæta i Loen: Kunngjering frå Olav Jonsson, Jon Sigurdsson og Sigurd Isaksson. Dei gjer vitterleg at så mange jorder og mmb åtte **Erlend Jonsson** på Sæta: 8 mmb i Sæta (Stryn 80), 9 mmb i inste tunet i Nesdal (Stryn 78–79) og 6 ½ mmb i ytre tunet [i Nesdal], 1 ½ mmb i ytre Nesdal (Stryn 78–79), 6 mmb i Hogrenning (Stryn 75) «oc ein i þuerdis leigh» 8, 1 mmb i Hellsæte (Stryn 74), og 7 mmb i Breng (Stryn 80). Alle desse jordene ligg i «Gordudal» i Loen kyrkjesokn i Nordfjord. **Jon Erlendsson** tok desse jordene etter far sin, og auka jordetalet i Sæta ved å kjøpa 8 mmb i garden.¹⁸³⁷

Jon Erlendsson er son til Erlend Jonsson. Eg kan ikkje sjå at han opptrer i andre kjelder enn dette brevet, men også han må reknast til den lokale eliten.

SAK 565: 19. mai 1454, Vereide i Gloppen: Salsbrev frå **Olav Håkonsson** på Fitje (Glo 5–6). Han vedgår at han har selt til **Jon Simonsson** 15 mmb i Rand (Inn 87) i Innvik skipreide i Utvik sokn i Nordfjord, samt halve øydegarden Tvinnareim (Inn 90) som ligg derunder, og 4 mmb i Åland (Inn 86). Til vitnesbyrd ber han Jon Rikardsson og Markus Erlingsson å medsegla brevet saman med han.¹⁸³⁸

Olav Håkonsson på Fitje er rimelegvis identisk med den Olav Håkonsson som i 1456 er nemnt først av tre lagrettemenn i Gloppen skipreide som utferdar eit vitnebrev om jordsal i Bergen (sjå sak 145). Han må dermed reknast til den lokale eliten i Nordfjord.¹⁸³⁹

Jon Simonsson er tvillaust same mann som det vert halde skifte etter i 1490 (sjå sak 567 nedanfor). Det er rimeleg også å rekna han til den lokale eliten i Nordfjord, ettersom han ser ut til å ha ått ein heil del jord. Eg kan ikkje sjå at han er nemnt i andre kjelder enn dei som er omtalte her.

1837. DN XIII, nr. 57; RN VIII, nr. 1011.

1838. Innteke i UBB, Diplomsamlinga, brev dagsett Bergen 24. juni 1595.

1839. Jf. dessutan J. Aaland 1932b, s. 291–292, og 1935b, s. 21–22.

SAK 566: 29. januar 1469, Langvin (Innvik prestegard) i Innvik: Vitnebrev frå Bjørn Sigurdsson og Hallvard Arnbjørnsson, lagrettemenn i Nordfjord. Dei gjer vitterleg at **Ulvhild Jonsdotter** åtte så mange jorder, nemleg 16 mmb i Sæta (Stryn 80), 5 mmb i Breng (Stryn 80) i «Gordadaal», 7 mmb i Hellsæte (Stryn 74), 9 mmb i Hogrenning (Stryn 75), 19 mmb i Nesdalen (Stryn 78–79), og der til ligg ½ Tjenndalen og Muledalen til haglende, 5 mmb i Yri (Inn 26) i Oldendalen, ½ teigg jord i Felle (Breim 12) i Breim, 4 mmb i Levdalen (Eid 56) i Eidsfjorden. Dette åtte ho etter eit avhalde skifte.¹⁸⁴⁰

Ulvhild Jonsdotter må vera dotter til Jon Erlendsson. Heller ikkje ho opptrer i andre kjelder enn denne eine, men til liks med faren og farfaren må ho reknast til den lokale eliten på bakgrunn av den store jordeigedomen ho sit med. Det meste er det same jordegodset som faren og farfaren sat med, men det er i tillegg noko eigedom i Olden og i Breim, samt ein part i garden Levdalen i Eid. Denne siste ligg svært langt frå dei øvrige eigedomane, i ytre Nordfjord på nordsida av fjorden, tvers over for Davikneset.

SAK 567: 13. juni 1490: Vitnebrev frå Eirik Jonsson, sokneprest i Vik i Nordfjord, Simon Bårdsson, Halldor Erlingsson, Eiliv Steinarsson og Simon Sigurdsson. Dei var til stades då **Sigurd Jonsson, Tore Jonsson** og **Sunniva [Jonsdotter]** skifta arven etter far sin, **Jon Simonsson**, med råd og samtykke frå **Elin Sigurdsdotter**, mor deira. Brørne Sigurd og Tore løyste søstera si, Sunniva, for alt jordegods i Rand (Inn 87), Sæta (Stryn 80) og Sunde (Inn 16), og i alle andre øydejorder som fall på hennar lut. Dette vart gjort med samtykke frå ho sjølv, mannen hennar og begge sønene hennar «Laris Rott». For dette fekk Sunniva 30 kyrlag i gode pengar, som ho vedgjekk å ha fått.¹⁸⁴¹

Elin Sigurdsdotter er enkja etter Jon Simonsson, som er handsama ovanfor. Ut over dette brevet kan eg ikkje sjå at ho opptrer i kjeldene. Det same gjeld borna **Tore Jonsson** og **Sunniva Jonsdotter**, medan sonen **Sigurd Jonsson** truleg er identisk med den «Siord» på Rand som i 1520 gjev heile 7 lodd sølv i tiendepengeskatt, samt 2 lodd sølv i barnepengar.¹⁸⁴² Det er rimeleg å rekna heile denne slektskrinsen til den lokale eliten.

1840. DN XIII, nr. 135.


1841. DN XVIII, nr. 117.

1842. NRJ II, s. 124. Jf. J. Aaland 1932b, s. 293.

4.39 Kring Skapten, Duehus og Ceciliagarden i Bergen

Skapten var namnet på ein bygard på Bryggen, sør for Dramshusen (Dramsuden). Etter ein brann i 1476 vart den aldri bygt opp igjen, og øydetufta vart seinare lagt til Finnegården. Duehus var ein del av Skapten. Ceciliagarden låg på Strandsida, nesten inne ved Vågsbotnen.¹⁸⁴³

Tavle 27. Kring Skapten og Ceciliagarden i Bergen.¹⁸⁴⁴



SAK 568: 14. mai 1370, Bispegarden i Bergen (uvisst om gods nordafjells): Vitnebrev om dom utferda av Håkon Jonsson, Holte Gunnarsson, Gunnar Hjarrandesson, lagmann i Bergen, Erlend Filippusson og Gudbrand Alvsson. Dei var til stades oppnemnt som dom av kong Håkon for å døma i saka mellom **Håkon Munansson** [Stumpe, også] i fullt ombod for sin bror **Ragnvald**, og hustru **Margreta** [Viljalmsdotter]. Håkon skulda Margreta for å ha halde på det jordegodset som var hans og brorens arv etter mora **Elin Ragnvaldsdotter**, og som også femna det ho hadde arva i den store mannauden etter sin bror **Jon Ragnvaldsson**.

1843. B. Lorentzen 1951, s. 28, 66, 136–138, 216, 246 og 259; K. Helle 1982, s. 242–244 og 254. Jf. Hartvedt 1994, s. 414.

1844. I hovudsak etter eigne undersøkingar, men sjå også Tiselius 1926–1927, bd. I, s. 98, og bd. II, s. 88; O. Sollied 1926; G. Solberg 1975, s. 168; Nordström 2004, s. 123–124.

Håkon prova at det var moras arv etter hennar bror. Difor vart Håkon og hans bror tildømt alt dette jordegodset. Dei skulle også få godgjort all den landskyld som Margreta hadde oppbore av det.¹⁸⁴⁵

Håkon Munansson Stumpe er nemnt første gong i denne saka. I 1378 medseglar han eit vitnebrev om sal i Bergen, og ditto i 1382 i Skien.¹⁸⁴⁶ Seinast frå 1388 er han medlem av riksrådet, og han er nemnt siste gong i 1389. Truleg døydde han i 1390 eller 1391, og det ser ikkje ut til at han nokon gong fekk riddarslaget. Det meste av jordeigedomen hans låg i Osloherad, på Romerike, i Borgarsysla og i Viken. Han var gift med Elin Bergsveinsdotter, enkje etter riddaren Håkon Øyvindsson, og mor til riddaren Olav Håkonsson til Nesøya.¹⁸⁴⁷



Figur 132. Seglet til Håkon Munansson (Stumpe) frå 1388 (*NoSigV*, nr. 1110).

Ragnvald [Munansson (Stumpe)?], bror til Håkon, er berre kjent frå denne saka frå 1370. Det er ikkje direkte sagt at han er samfedre bror til Håkon, men det er vel ikkje urimeleg at han har vore det. På den andre sida kan det godt tenkjast at mora, Elin Ragnvaldsdotter, var gift på nytt etter at Munan Agmundsson døydde, og fått Ragnvald med den andre ektemannen. Det har likevel ikkje stort å seia for problemstillinga i denne avhandlinga, ettersom Ragnvald må reknast til det same sosiale sjiktet som mora og broren.

Hustru **Margreta Viljalmsdotter** er etter kva eg kan sjå, berre omtalt i dei breva som er regesterte i dette delkapitlet. Ho var gift med Håkon Ragnvaldsson (sjå nedanfor), som må ha vore væpnar skal ein dømme etter hustrutittelen hennar.

Elin Ragnvaldsdotter var mor til Håkon Munansson Stumpe og Ragnvald som begge er omtalte ovanfor. Ho var altså gift med Munan Agmundsson, som berre er kjent frå eit brev frå 1353, der det kjem fram at riddaren og fehirde Ogmund Guttormsson hadde teke hand om lausøyret etter Munan Agmundsson på vegne av borna hans.¹⁸⁴⁸ Elin Ragnvaldsdotter har stort sett

1845. *DN* II, nr. 409; *RN* VII, nr. 34.

1846. *DN* XI, nr. 64, og *RN* VII, nr. 716 (1378); *DN* VI, nr. 307, og *RN* VII, nr. 1033 (1382).

1847. P. A. Munch 1863, s. 166–167. Olav Håkonsson var son av Håkon Øyvindsson, og ikkje av Håkon Stumpe slik Munch meinte.

1848. *DN* IV, nr. 363; *RN* VII, nr. 245–246. Jf. P. A. Munch 1862, s. 907

vorte sagt å tilhøyra ætta Smør, men dette kan ikkje stadfestast i kjeldene.¹⁸⁴⁹ Ho er berre kjent frå dette eine brevet, og må då alt ha vore død.

Jon Ragnvaldsson er her sagt å vera bror til Elin Ragnvaldsdotter, og død i den store mannedauden. Det siste må visa attende til Svartedauden i åra 1349 og 1350. Eg har ikkje funne han nemnt i andre kjelder, men også han må reknast til aristokratiet saman med resten av denne slektskrinsen.

SAK 569: 24. juli 1375, Bergen: Pantebrev frå **Margreta Viljalmsdotter** (sjå s. 443) i Skapten. Ho skuldar Thomas Buknam 1920 gode håløygske skrei og 6 pund engelsk. Difor skal han årleg ha 1 pund engelsk i husleige av garden hennar Duehus i Skapten. Ho skal også betala 1 pund årleg til gjelda er oppgjort. Dersom ikkje dette skjer, skal han ta garden i bruk for det som forstandige menn synest den er verd, inntil pengane er betalte. Ho skal likevel kosta vedlikehald av garden. Om ho skulle døy skal arvingane hennar retta seg etter denne avtalen.¹⁸⁵⁰

SAK 570: 14. oktober 1386, Bergen: Vitnebrev utferda av Sigurd Åsulvsson og Lavrans Nikolasson. Dei gjev til kjenne at **Håkon Ragnvaldsson** åtte Ceciliagarden på Stranda i Bergen nedanunder Allehelgenskyrkja ut til Stranda ved Seljehusa. Jomfru **Cecilia** arva dette etter faren Håkon, og hennar mor var **Margreta Viljalmsdotter** (sjå s. 443) i Skapten.¹⁸⁵¹

Håkon Ragnvaldsson er berre kjent frå desse to breva frå 1386 og 1406, men er truleg død alt i 1370 då Håkon Munansson krev arven etter Jon Ragnvaldsson på mora sine vegner. Han må såleis ha vore bror til Elin Ragnvaldsdotter og Jon Ragnvaldsson. Heller ikkje dottera, jomfru **Cecilia Håkonsdotter**, har eg funne omtalt i andre kjelder enn dei som vedkjem denne saka.

SAK 571: 3. august 1388, Bergen: Salsbrev frå **Sigurd Unasson**. Han overlét til **Thomas Buknam**, kjøpmann i Bergen, sitt hus Duehus i Skapten med tomt under huset, samt eldhus-tomta rett ovanfor Påls eldhus med kjellar og bryggje nedanfor Skapten, for den skuld som hustru **Margreta Viljalmsdotter** (sjå s. 443), hans frendkone, hadde til Thomas.¹⁸⁵²


1849. P. A. Munch 1862, s. 907–909, og 1863, s. 166–168; O. Sollied 1926; Tiseliuss 1926–1927, bd. I, s. 98, og bd. II, s. 88; Heber 1944, s. 96; G. Solberg 1975, s. 168; Nordström 2004, s. 123–124.

1850. DN XII, nr. 108; RN VII, nr. 500.

1851. DN II, nr. 498; RN VII, nr. 1329.

1852. DN XII, nr. 118; RN VII, nr. 1463.

Sigurd Unasson opptrer første gong i kjeldene i dette brevet. I 1398 er han medlem av riksrådet og er nemnt sist mellom dei «knapen», dvs. væpnarane, som i København medseglar kong Eriks stadfesting av hansabyane sine privilegier i Noreg.¹⁸⁵³ I 1410 er han første gong nemnt som rådmann i Bergen, og i 1411 er han medutferdar av eit vitnebrev. I 1412 sit han i ei domsnemnd vedrørande Rømergodset.¹⁸⁵⁴



Figur 133. Seglet til Sigurd Unasson frå tida 1398–1410 (*NøSjgV*, nr. 1317).

I 1413 vitnar to menn at ei Ragnhild Brynjulvsdotter på Sommarvål i Orkdal (Orkdal 200–201) i Trøndelag hadde, då ho låg for døden, lyst at hennar rette arving var Sigurd Unasson.¹⁸⁵⁵ Kor vidt han er identisk med den Sigurd Brandrøk og Sigurd på Sommarvål som er nemnt i Aslak Bolts jordebok, er usikkert, men dersom han ikkje er det, må det i det minste vera snakk om ein slektning.¹⁸⁵⁶ Siste gong eg kan sjå at Sigurd Unasson er nemnt i kjeldene, er i 1420 då han medseglar rådmennens klage over engelskmennenes handel på Hålogaland.¹⁸⁵⁷ Han er rimelegvis død før 26. oktober 1423.¹⁸⁵⁸ Han må klårt reknast til aristokratiet, og det understrekar godt påstanden om at rådmennene i Bergen i seinmellomalderen må reknast til dette sjiktet. Det kan, på bakgrunn av det nokså sjeldsynte namnet Unas, vera freistande å rekna han som ein etterkomar av systemannen i Jemtland, riddaren Une Petersson, som opptrer i kjeldene mellom 1309 og 1316.¹⁸⁵⁹

Thomas Buknam er i dette brevet nemnt som kjøpmann i Bergen. Truleg var han engelsk, ettersom Buknam best kan tolkast som ei samandraging av stadnamnet Buckingham. Ut over dei sakene som er refererte nedanfor, samt sak 569, kan eg ikkje sjå at han opptrer i kjeldene. Han må reknast som bymann, utan at det eigentleg seier så mykje om det sosiale statusen hans.

SAK 572: 25. november 1391, Bergen: Fullmaktsbrev frå **Thomas Buknam**. Han har gjeve Thomas Spir fullmakt til å selja hans gard Duehus, og å motta betalinga.¹⁸⁶⁰

1853. *DN V*, nr. 382; *NgL2 I*, nr. 24, s. 41–43.

1854. G. Solberg 1975, s. 168.

1855. *DN V*, nr. 490.

1856. *ABJ*, s. 86–87.

1857. *DN I*, nr. 670.

1858. O. Sollied 1926, s. 44–45; G. Solberg 1975, s. 168.

1859. Jf. namnregisteret i *RN III*.

1860. *DN XII*, nr. 122; *RN VIII*, nr. 85.

SAK 573: 6. februar 1392, Bergen: Vitnebrev frå Arnulv Gunnarsson, Gulatings og Bergens lagmann, og Jon Geirmundsson, fut i Bergen. Dei var til stades då **Thomas Buknam** tilbaud velborne mann Håkon Jonsson, fehirde og hirdstjøre i Bergen, å kjøpa garden Duehus, men Håkon ville ikkje kjøpa den på grunn av den dårlege tilstanden til husa. Han gav på kongedømetts vegne Thomas Buknam løyve til å selja garden til kven han ville.¹⁸⁶¹

SAK 574: 2. mars 1392, Bergen: Vitnebrev frå Jon Geirmundsson, fut i Bergen, Erling Hallvardsson, hirdmann, og Olav Jonsson, rådmann i Bergen. Dei var til stades då Thomas Spir, i fullt og lovleg ombod for **Thomas Buknam**, selde til **Eirik Ragnvaldsson**, garden Duehus for 1 lest islandsk fisk, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁸⁶²

Eirik Ragnvaldsson er berre kjent frå denne saka, samt sak 576 nedanfor der han er nemnt død. At sonen Jon Eiriksson er kannik i Nidaros, borgar likevel for at han minst må reknast til det lokale elitesjiktet.

SAK 575: 7. august 1406, Bergen: Vitnebrev frå Benedikt Sigurdsson og Torgeir Erlendsson, lagrettemenn i Bergen. Dei kunngjer at jomfru **Cecilia** (sjå s. 444) var ektefødd dotter av **Håkon Ragnvaldsson** (sjå s. 444) og hustru **Margreta Viljalmsdotter** (sjå s. 443) i Skapten. Jomfru Cecilia arva først sin far, og sidan arva hustru Margreta si dotter jomfru Cecilia. Til sist arva **Sigurd Unasson** («Onanassun») (sjå s. 445) hustru Margreta Viljalmsdotter.¹⁸⁶³

SAK 576: 9. oktober 1410, Bergen: Kunngjering frå **Jon Eiriksson**, kannik i Nidaros. Han vedgår at hans avdøde far **Eirik Ragnvaldsson** (sjå ovanfor) avtalte med abbed Jon i Munkeliv, no biskop i Skálholt, sal av garden Duehus i Marteinskyrkjas sokn i Bergen, til Munkeliv kloster, for 7 pund engelsk og ein sølvgrip på ein lødig mark. No er far hans død før salet var endeleg fullbyrda, og på vegne av seg sjølv og sin bror, **Mikkel Eiriksson**, har Jon Eiriksson ettergjeve klosteret dei 3 pund engelsk og sølvet, som stod att, mot at deira foreldre vert innførte i årtideboka til klosteret.¹⁸⁶⁴

Jon Eiriksson må i eigenskap av kannik i Nidaros, reknast til det geistlege aristokratiet. Broren, **Mikkel Eiriksson**, har eg ikkje funne nemnt i andre kjelder, men det er rimeleg å rekna han minst til det lokale elitesjiktet.

1861. *DN XII*, nr. 123; *RN VIII*, nr. 104.

1862. *DN XII*, nr. 124; *RN VIII*, nr. 111.

1863. *DN XVI*, nr. 54.

1864. *DN XII*, nr. 147.

SAK 577: 31. oktober 1446, Bø i Hyllestad: Vitnebrev frå Simon Hallkjellsson, Arne Simons-son, Sigurd Eilivsson, Jon Berdorsson og Ivar Erlingsson, lagrettemenn i Sogn. Dei var til stades då **Peter Toresson** selde til sin frende herr **Erlend Eindridesson** (sjå s. 415), all den arv og dei rettar han hadde etter sin farbror **Sigurd Unasson** (sjå s. 445).¹⁸⁶⁵

Peter Toresson er nemnt første gong i 1423, då tre menn på Losna kunngjer at dei var til stades då tre kvinner vitna for hustru Sigrid Erlendsdotter, i ombod for Peter Toresson, at Olav Petersson skreddar hadde gjort festeølet for Tore Unasson og Gyda Torkjellsdotter i Nordlanda.¹⁸⁶⁶ Peter Toresson må vera son av Tore Unasson og Gyda Torkjellsdotter. Han opptrer også i sak 558 ovanfor, der han sel ein del jord i Trøndelag til erkebiskop Aslak Bolt. Han er kan henda også far til den Mildred Petersdotter som er sagt å ha selt noko jord i Sommarvål i Orkdal til erkebiskop Aslak Bolt.¹⁸⁶⁷ Korleis frendskapet mellom Peter Toresson og Losna-ætta var, er ikkje mogleg å forklåra, men Peter Toresson må i alle høve reknast til aristokratiet.

1865. *DN* II, nr. 772.

1866. *DN* V, nr. 565.

1867. *ABJ*, s. 88.

4.40 Kring Haugen og Vik i Jondal

SAK 578: 15. mai 1373: Vitnebrev utferda av Sigvat Olavsson, Arnvid Sigvatsson og Bjarne Andorsson. Dei var til stades då **Torbjørn Hallsteinsson** og **Kvik Kjetilsson** selde til **Steinar Nikolasson** 1 spansleige og 3 mmb i Haugen (Jon 12) i Jondal sokn i Hardanger for 14 ½ kyrlag, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁸⁶⁸

Torbjørn Hallsteinsson har eg ikkje funne meir om, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare.

Kvik Kjetilsson er også berre kjent frå dette eine brevet, men han må rimelegvis vera far til den Hallgeir Kviksson som er nemnt nedanfor. Namnet hans, Kvik, er svært sjeldsynt, og i Hardanger er det berre han og Hallgeir Kviksson som er berarar av det. I tillegg førekjem det tre personar i Valdres i tida 1336–1340 som også har dette namnet.¹⁸⁶⁹

Steinar Nikolasson kan eg heller ikkje sjå at opptrer i andre kjelder enn denne og dei to påfølgjande sakene. Truleg er han far til Ragna Steinarsdotter som er nemnt i sak 581 nedanfor.

SAK 579: 10. oktober 1390?, Kinsarvik: Vitnebrev frå Sigurd Toresson, prest i Kinsarvik, Torleiv Toraldsson og Orm Veraldsson. Dei var på Læg Reid i Eidfjord sokn då **Askjell Tolvsson** og **Ingebjørg**, kona hans, vedgjekk å ha selt til **Steinar Nikolasson** halve hagen i inste tunet i Torljotsvik (Jon 11) i Jondal sokn og Samland herad i Hardanger, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁸⁷⁰

Askjell Tolvsson og **Ingebjørg**, kona hans, er kan henda busettet på Læg Reid i Eidfjord, ettersom salet gjekk føre seg der. Eg har ikkje funne ytterlegare opplysningar om dei.

SAK 580: 19. november 1397, Vik i Jondal: Vitnebrev utferda av Magnus Assursson, kongens og Toraldes ombodsmann i Hardanger. Han har teke vitneprov frå to mann som var til stades då **Rollaug Osmundsson**, med samtykke frå **Gudlaug Torkjellsdotter**, selde til **Steinar Nikolasson** ½ spansbol mindre enn 3 mmb i Torljotsvik (Jon 11) i Jondal kyrkjesokn i Hardanger, og fått betaling for det.¹⁸⁷¹

Korkje **Rollaug Osmundsson** eller **Gudlaug Torkjellsdotter** har eg funne omtalte i andre kjelder enn denne, og dei er såleis uråd å identifisera nærare. Korkje mannsnamnet Rollaug eller kvinne-

1868. DN IV, nr. 449; RN VII, nr. 361, feildatert i DN til 15. mai 1365.

1869. E. H. Lind 1905–1915, sp. 723.

1870. DN IV, nr. 584; RN VII, nr. 1640.

1871. DN I nr. 560; RN VIII, nr. 595.

namnet Gudlaug førekjem på Vestlandet i mellomalderen utanom i akkurat denne saka, og dette er kan henda ein indikasjon på at dei ikkje har budd i Hardanger.¹⁸⁷²

SAK 581: 15. november 1417, Utne i Kinsarvik: Vitnebrev frå Magnus Assursson og Bergulv Hallesson. Dei var til stades då **Hallvard Eiriksson** og **Ragna Steinarsdotter** selde til **Hallgeir Kviksson** («Quikssyne») 3 ½ mmb i Haugen (Jon 12) og Vik (Jon 11) i Samland herad i Jondal kyrkjesokn i Hardanger, samt halve grasgarden, for 16 kyrlag. Dei har motteke 9 kyrlag ved overdraginga.¹⁸⁷³

Hallvard Eiriksson er rimelegvis gift med **Ragna Steinarsdotter**, som igjen truleg må vera ei dotter av Steinar Nikolasson som er omtalt ovanfor. Heller ikkje desse to har eg lukkast i å finna meir informasjon om.

Hallgeir Kviksson opptre forutan i denne saka og sak 584 nedanfor, berre to gonger i kjeldene. Det er i 1438 då Pål Hallvardsson (sjå s. 468) gjev sitt fulle og lovlege ombod til «beskedalighom manne» Hallgeir Kviksson, til å styra «Audna» og dei andre eigedomane hans i Hardanger, og dette ombodet vert stadfesta i 1441 (sjå sak 607). Når han opptre som ombodsmann for personar som tvillaust må reknast til aristokratiet, medfører dette at Hallgeir minst må reknast for å tilhøyra den lokale eliten, noko som også må gjelda for far hans, Kvik Kjetilsson.

SAK 582: 26. februar 1431, Vikøy: Vitnebrev frå Ivar Sigurdsson og Isak Erlendsson. Dei har aldri høyrtd anna enn at det har følgt mann etter mann det som fire søstre, **Turid**, **Astrid**, **Gudrun** og **Sigrid Halldorsdøtrer**, åtte etter far sin, ½ mmb i Vik (Jon 11) i Samland herad i Jondal kyrkjesokn i Hardanger, og at **Orm Trondsson** har kjøpt dette av deira arvingar dei førnemnte søstrenes ombodsmenn Torstein Jonsson, Øyolv Sigurdsson, Ivar Aslaksson og «.....adhe» Sigurdsson, og fått full betaling.¹⁸⁷⁴

Turid, **Astrid**, **Gudrun**, og **Sigrid Halldorsdøtrer** har eg ikkje funne meir om. Sigrid Halldorsdotter, kan rett nok tenkjast å vera identisk med den Sigrid, som i sak 584, er sagt å vera Orm Trondssons festekone, men noko meir enn ei gissing vert det ikkje. Heller ikkje **Orm Trondsson** har eg klart å finna ytterlegare opplysningar om ut over det som går fram av dei to sakene han er involvert i.

1872. E. H. Lind 1905–1915, sp. 374–375 og 588–589; E. H. Lind 1931, sp. 321–322.

1873. *DN I* nr. 655.

1874. *DN IV*, nr. 848.

SAK 583: 31. oktober 1439, Lofthus i Ullensvang: Vitnebrev frå Orm Toresson og Torstein Eindridesson, lagrettemenn. Dei var til stades på indre tunet i Lofthus Tomasmesse dag før jul i fjor (21. desember 1438) då **Brynjulf Øyolvsson** og **Foldeid Viglaugsdotter** («Vigloga dotter»), kona hans, selde til **Simon Viglaugsson** («Vigloga syni»), bror hennar, så mykje som ho hadde arva etter sin far og si mor i indre tunet i Lofthus (Ull 73) i Ullensvang kyrkjesokn i Hardanger, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁸⁷⁵

Korkje **Brynjulf Øyolvsson** eller kona hans, **Foldeid Viglaugsdotter**, er kjende frå andre kjelder. Både førenamnet og patronymet hennar er svært uvanlege, og Lind kjenner berre ei anna førekomst frå norsk mellomalder, nemleg ei Foldeid Eivindsdotter som opptrer i Dalane i Rogaland i 1403.¹⁸⁷⁶ Dei må reknast til den lokale eliten i Hardanger på bakgrunn av at bror til Foldeid er lagrettemann i 1436.

Simon Viglaugsson er ut over desse sakene frå 1439–1443, også nemnt i 1429 då to lagrettemenn kunngjer for han at det no er 58 år sidan Sigurd Ormsson (sjå s. 483) kjøpte Lofthus (sjå sak 623). Dette tyder på at Simon må ha vore arvingen til Sigurd Ormsson utan at det no er råd å seia korleis eit slikt slektskap har vore. I 1436 er han nemnt som nummer tre av fire lagrettemenn i Hardanger som utferdar eit vitnebrev om makeskifte og jordsal.¹⁸⁷⁷ Dette medfører at han må reknast til den lokale eliten.

SAK 584: 9. mai 1442, Haugen i Jondal: Domsbrev frå Arne Borgarsson, Torstein Eindridesson, Sæbjørn Ivarsson, Bård Isaksson, Torstein Greipsson og Jon Guttormsson, lagrettemenn i Hardanger. Dei var til stades då **Orm Trondsson** (sjå ovanfor) i ombod for **Sigrid** (sjå ovanfor), festekona si, handtokst med **Hallgeir Kviksson** (sjå ovanfor) og **Simon Viglaugsson** om at dei ville halda den dommen om Torljotsvik i Samland herad i Jondal kyrkjesokn i Hardanger. Dommen var slik at Orm Trondsson skulle ha ei gardstuft sønnafor bak buene i Torljotsvik (Jon 11).¹⁸⁷⁸

SAK 585: 9. januar 1443, Lofthus i Ullensvang: Vitnebrev frå Orm Toresson og Håvard Torgeirsson, lagrettemenn i Hardanger. Dei var til stades då **Gardar** («Gerdar») **Ivarsson** selde til **Simon Viglaugsson** («Viglogasyni») 4 mmb i Haugen (Jon 12) i Torljotsvik i Samland herad i Jondal kyrkjesokn i Hardanger, for 16 kyrlag og så mykje som han åtte i grasgarden, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁸⁷⁹

1875. DN IX, nr. 275.

1876. E. H. Lind 1905–1915, sp. 278. For namnet Viglaug, sjå E. H. Lind 1905–1915, sp. 1100.

1877. DN VI, nr. 463.

1878. DN IV, nr. 884.

Gardar Ivarsson har eg ikkje funne meir om enn det som går fram av denne og den følgjande saka.

SAK 586: 19. november [omlag 1450], Bergen: Vitnebrev frå Hallvard Bessesson, Orm Torolvsson og Ogmund Arnesson. Dei var til stades då **Gardar Ivarsson** («giardar Iwarsson», «gardir Iwarsson») selde til **Arnbjørn Simonsson** 3 mmb i Bråvoll (Ull 138) i Kinsarvik sokn i Hardanger, for 5 kyrlag per mmb.¹⁸⁸⁰

Arnbjørn Simonsson har eg heller ikkje funne meir om, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare.


1879. *DN IV*, nr. 889.

1880. *DN XXI*, nr. 464.

4.41 Rustung og «Dall»

Rustung er ikkje namnet på slekta til admiralen Kristoffer Trondsson, som vanlegvis vert tillagt dette slektsnamnet, men derimot på ei slekt som dels kan kallast ei sognsk-bergensk rådmannsslekt. Heile slekta må reknast til aristokratiet. Det er vidare naturleg å handsama den vestnorske lågadelsslekta som er kalla Dall, saman med Rustung, ettersom Herborg Torbjørnsdotter, mor til Gaute Ivarsson og søskena hans, er den som arvar jordegodset etter Sunniva Eindridesdotter.

Tavle 28. Rustung og «Dall». ¹⁸⁸¹



I 1900 publiserte dåverande riksarkivar H. J. Huitfeldt-Kaas (1834–1905) ei stor samling med kjeldeavskrifter, saman med ein freistnad på ein analyse av delar av desse, i *Meddelelser fra det norske Rigsarchiv*, om det han omtalte som «Familien Dahl». Det har sidan den gong vorte publisert store mengder litteratur om slekta som både freistar å føra den attende, så vel som fram, i tid. ¹⁸⁸²

1881. Etter O. Sollied 1926, Løberg 1997 og Vigerust 1999c, samt egne undersøkingar. Tavla er ikkje på noko vis meint å vera fullstendig. Etterslekta etter dei siste to-tre generasjonane i denne tavla, finn ein att som odelsbønder på Vestlandet i første halvpart av 1600-talet.

SAK 587: [26. mai 1373], Bergen: Pantebrev frå **Svein Botolvsson**. Han har motteke 6 pund engelsk av **Eirik** mot pant i Fimreite (Sog 85) i Ylmeim sokn i Sogn. Garden er på 12 laupsbol, 8 laupsbol i nedre tunet, som han kjøpte av **Olav Ånundsson**, og 4 laupsbol i øvre tunet som var farsarv. Eirik skal ha denne jorda i åtte år og motta landskyld. Svein skal ha innløysingsrett i åtte år for same sum. Dersom ikkje det skjer går jorda til Eirik og hans arvingar.¹⁸⁸³

Svein Botolvsson er rimelegvis far til Torgils og Botolv Sveinssøner som er handsama nedanfor.¹⁸⁸⁴ Det som gjer dette sannsynleg er eigeidomen i Fimreite, som midt på 1500-talet vert setegarden til ein av sønene til Gaute Ivarsson. Truleg er han også identisk med den Svein Botolvsson som i 1381 pantset garden Strand i Ystebø på Mosterøy i Ryfylke til Munkeliv kloster for si eiga gravferd og sjela til Elin, kona hans.¹⁸⁸⁵

Eirik har det ikkje vore mogleg å identifisera nærare, og det same gjeld for **Olav Ånundsson**.

SAK 588: 5. september 1410, Bergen:¹⁸⁸⁶ Domsbrev frå biskop Aslak [Bolt] i Bergen. Kom for han og kapitlet hans **Sigurd Bjørnsson**, som i 14 år har hatt i si verje ei Munkeliv klostergjord som heiter Vange (Vik 2), som er på 18 mmb og ligg i Hopperstad kyrkjesokn i Sogn, og bygsla den bort og teke landskyld av den, utan løyve frå abbeden, Stein, eller hans ombodsmann. Sigurd hevda at han hadde gjort makeskifte med herr Jon, biskop i Skálholt, den tid han var abbed i Munkeliv, slik at klosteret fekk hans tomt Grisen i Marteinskyrkjas sokn i Bergen, mot denne jorda. Sigurd vedgjekk likevel at han ikkje har fått biskopens brev på dette makeskiftet, og han kunne heller ikkje framføra dei vitner han påropte seg. Difor forbyr biskopen han å ha noko meir med jorda å gjera.¹⁸⁸⁷

14. februar 1413, Bergen: Kunngjering frå **Sigurd Bjørnsson**, rådmann i Bergen, og **Torgils Sveinsson Rustung**, lagrettemann i Sogn. Dei stadfestar no det såttmål, som Sigurd Bjørnsson på vegne av seg sjølv og sin frende Torgils Sveinsson Rustung, gjorde den 9. juni 1412 med herr Stein, abbed i Munkeliv, som fornya eit makeskifte som dei tidlegare hadde gjort med

1882. Naturleg nok er litteraturen av varierende kvalitet, men også mykje lodig stoff er publisert. Eit ukritisk utval ved sidan av Huitfeldt-Kaas 1900, er Raunehaug 1912, Espeland 1919, Reidarson 1919, H. Sollied 1928, Stene 1932b, H. Sollied 1953, Bøthun 1954, Velde 1955, Bøthun 1956, Velde 1957, Skjeldestad 1972, Ekkje 1983 og Bakkevig 1984. Den langt viktigaste artikkelen etter Huitfeldt-Kaas og Henning Sollied er Løberg 1997, medan delar av slektsgreina i Sogn er handsama i Ugulen 1998. Ei delvis oppsummering finnest i Vigerust 1999c, s. 53–55.

1883. *DN VIII*, nr. 195; *RN VII*, nr. 363.

1884. Løberg 1997, s. 144, meiner at ein Svein bonde i Grisen var far til desse to, men eg kan ikkje sjå grunnlaget for denne påstanden.

1885. *DN XII*, nr. 111; *RN VII*, nr. 958.

1886. Etter *DN* «snarest at maatte være af et noget senere Datum».

1887. *DN XII*, nr. 145.

abbed Jon, no biskop i Skálholt. Klosteret fekk med det den tomten som heiter Grisen, og som ligg i Marteinskyrkjas sokn i Bergen mellom Skinnarestretet og Skidagarden, og som Torgils Sveinsson fekk i rett arv etter sin bror, **Botolv**. Botolv hadde tidlegare arva garden etter **Pål Arnfinnsson gullsmed**, som åtte den før. Mot dette fekk Sigurd og Torgils 18 mmb i Vange (Vik 2) i Vik i Sogn i Hopperstad kyrkjesokn i Arnafjord skipreide, men etter deira død skulle garden falla attende til klosteret.¹⁸⁸⁸

21. august 1425, Munkeliv: Vitnebrev frå Arvid Ingjeldsson, Torgeir Kjetilbjørnsson og Martein Håkonsson, rådmenn i Bergen. Dei var til stades då abbed Stein i Munkeliv handtokst med **Sigurd Bjørnsson**, rådmann i Bergen, om det makeskiftet som Sigurd Bjørnsson for mange år sidan hadde gjort i fullt og lovleg ombod for **Torgils Sveinsson**, som vert kalla Rustung, med avdøde abbed Jon. Makeskiftet galdt ei klosterjord Vange (Vik 2) i Hopperstad kyrkjesokn i Arnafjord skipreide i Vik, mot ein tomt som salige **Arnfinn gullsmed** åtte og som heiter Grisen, og ligg i Marteinskyrkjesoknet i Bergen. Makeskiftet vart stadfesta slik det var inngått før.¹⁸⁸⁹

18. oktober 1426, Bergen: Stadfestingsbrev frå **Torgils Sveinsson** [Rustung], lagrettemann i Sogn. Han stadfestar, i fullt og lovleg ombod for sin frende **Sigurd Bjørnsson**, det fornya makeskiftet som Sigurd Bjørnsson hadde gjort med abbed Stein i Munkeliv om Grisen i Marteinskyrkjesoknet i Bergen, som Torgils arva etter sin bror **Botolv**, og som denne igjen hadde arva etter **Pål Arnfinnsson gullsmed**, mot 18 mmb i Vange (Vik 2) i Vik i Hopperstad kyrkjesokn i Arnafjord skipreide.¹⁸⁹⁰

Sigurd Bjørnsson er i 1413 og 1425 nemnt rådmann i Bergen, og ut over dei andre breva i denne saka, er han truleg identisk med den Sigurd Bjørnsson som utferdar brev i Sogn i 1401 og 1411 (sak 109 og 119).¹⁸⁹¹ I eigenskap av rådmann kan han trygt reknast til aristokratiet.

Torgils Sveinsson Rustung opptretr etter kva eg har funne, berre ein gong i samtidige kjelder forutan dei som vedkjem denne saka. Det er i 1421 då han medseglar eit salsbrev i Sogndal i Sogn (sjå sak 448), og han er då nemnt like etter den seinare gulatingslagmannen Jogrim Audunsson (sjå s. 487). Broren, **Botolv [Sveinsson]**, kan eg ikkje sjå at er nemnt i andre kjelder.¹⁸⁹²

1888. DN XII, nr. 150.


1889. DN XII, nr. 179.

1890. DN XII, nr. 182.

1891. Jf. O. Sollied 1926, s. 50; G. Solberg 1975, s. 172.

1892. Jf. O. Sollied 1926, s. 49–50.

Pål Arnfinnsson gullsmed er ikkje kjent frå samtidige kjelder, men han er tvillaust son av **Arnfinn Brattsson gullsmed** som opptrer første gong i 1371 då han medseglar eit makeskiftebrev i Bergen (sjå sak 88). I 1378 er han nemnt sist av dei som medseglar eit salsbrev i Bergen, men av desse er ein riddar og minst fem væpnarar, slik at han opptrer i eit klårt aristokratisk miljø.¹⁸⁹³ Han er kalla rådmann i Bergen første gong i 1379, då han medutferdar ei vidisse,¹⁸⁹⁴ og i 1382 er han med i ein seksmannsdóm som dømmer i ei sak om søre Vignes i Finnøy i Ryfylke.¹⁸⁹⁵ Etter dette kan eg ikkje sjå at han er nemnt i live. Eg kan ikkje seia meg samd med Olaf Sollied, som her tolkar Bratt som farens tilnamn, og at Arnfinn truleg er son av Pål Arnfinnsson (sjå s. 315) på Kvam i Hafslø.¹⁸⁹⁶ Bratt førekjem også, rett nok sjeldan, som førenamn, og ein vel så god kandidat til farskapet er den Bratt Aslaksson som opptrer i 1346 (sjå s. 302).



Figur 134. Seglet til Arnfinn Brattsson frå 1378 (*NøSigV*, nr. 974).

SAK 589: 27. mars 1486, Bergen: **Eindride Sveinsson Rustung**, rådmann i Bergen, leiger til skinnarane på Skinnarstretet så mykje i sine gardar Stempeldjupet og Kalkhuset som han eig ovanfor stretet i Marteinskyrkjesoknet.¹⁸⁹⁷

Eindride Sveinsson Rustung er nemnt første gong i 1479, og er då rådmann i Bergen. Han opptrer ut over dette to gonger til i kjeldene, høvesvis i 1486 og 1488, samt i saka om arven etter dottera si, hustru Sunniva, i 1524 (sjå note 1900). Han var gift med ei søster av hustru Herborg Torbjørnsdotter som er omhandla nedanfor.¹⁸⁹⁸

SAK 590: [1504], [Sunde i Kvinnherad]: Vitnebrev frå Olav, abbed i Halsnøy. På Sunde i Kaldestad sokn i Kvinnherad skipreide i Sunnhordland vedgjekk **Torgils Styrkårsson** å ha motteke full betaling av hustru **Herborg Torbjørnsdotter** av Valo, for den jordeparten han åtte i Sunde (Kvi 153), og som gav ei landskyld på 3 spann annakvart år og 1 hud annakvart år.¹⁸⁹⁹

Torgils Styrkårsson har eg ikkje funne ytterlegare opplysningar om.

1893. *DN XI*, nr. 64; *RN VII*, nr. 716.

1894. *DN II*, nr. 458; *RN VII*, nr. 808.

1895. *DN VII*, nr. 312; *RN VII*, nr. 1041.

1896. O. Sollied 1926, s. 50–51; jf. H. Sollied 1941–1942, s. 278–279; G. Solberg 1975, s. 147–148.

1897. *Norske Magazin*, bd. I, s. 575–576, med tilvising til KB, NKS 977 fol. og NKS 1554 4^{to}.

1898. G. Solberg 1975, s. 193–194.

1899. *DN XXI*, nr. 692.

Hustru **Herborg Torbjørnsdotter** er, forutan denne saka, berre kjent frå eitt anna brev i *DN*. Det er i 1524 då det kjem fram at ho vert tildømt arven etter hustru Sunniva Eindridesdotter, noko som fortel at ho har overlevd søsterdottera si.¹⁹⁰⁰ Hustrutittelen fortel at den elles ukjende mannen hennar, Ivar, må ha vore væpnar.



Figur 135. Seglet til Viderik Torbjørnsson i 1624 (NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk.15, Kyrkje- og prestebolsinntekter 1624 for Sunnfjord, Førde prestegjeld). Foto: NRA.

SAK 591: 6. oktober 1512, Bergen: Salsbrev frå **Gaute Ivarsson**. Han har selt til sin svoger **Hans Kruckow**, og si frenke hustru **Sunniva Eindridesdotter**, 9 mmb i midtre tunet i Fresvik (Lei 39–40) i Sogn, og så mykje som Gautes far åtte i Njøs (Lei 24) på Systrond i Njøs kyrkjesokn, for 17 kyrlag i kopar for dei 9 laupsbola i Fresvik og 8 kyrlag i sølv for den tridjungen av dei 10 mmb i Njøs «i modhe» mine to farbrør som hadde selt det til «Torgyljetssom»,¹⁹⁰¹ og som Gaute unte sin svoger og si frenke å løysa for 16 kyrlag i sølv. Han vedgår å ha fått full betaling.¹⁹⁰²

Gaute Ivarsson er nemnt første gong i kjeldene i dette brevet frå 1512. I 1524 er han part i saka om arven etter hustru Sunniva Eindridesdotter på vegne av mora, og vert tildømt denne. Seinare i 1520-åra taper han delar av arven til ei anna slektsgrein.¹⁹⁰³ Siste gong han er nemnt, er i 1530-åra, i jordeboka til erkebiskop Olav Engelbretsson,

1900. I Bergen, den 2. september 1524, utferda riksrådet ved erkebiskop Olav av Trondheim, biskopane Hoskold i Stavanger, Olav i Bergen, Hans i Oslo og Jon på Hólar, samt Vincens Lunge, Olav Galle, Gaute Galle, Joakim Griis, riddarar, og Erik Urup, Olav Bagge, Erik Eriksson og Johan Kruckow, væpnarar, eit vitnebrev. Kom for dei beskjedeleg mann Gaute Ivarsson, i fullt ombod for si mor, på den eine sida, og Olav Mikkelsson på den andre. Gaute tiltalte Olav Mikkelsson for den arven som Olav hadde teke etter hustru Sunnivas død, som var Gautes mors søsterdotter. Riksrådet granska skyldskapen og fann at Torgils Rustung, som hadde ått alt godset, hadde ein son som heitte Svein og ei dotter Gudrun. Svein hadde ein son som heitte Eindride, og Gudrun ein son som heitte Mikkil. Eindride hadde ei dotter som heitte Sunniva, og Mikkil hadde ein uekte son som heitte Olav. Etter at Torgils var død arva Svein og Gudrun laust og fast både etter mor og far. Deretter døydde Svein og vart arva av sin son Eindride. Deretter døydde Mikkil, og han vart arva av si mor Gudrun av di han ikkje hadde ektebarn etter seg. Så døydde Gudrun, og ho vart arva av Eindride, og med det kom alt godset etter Torgils Rustung til Eindride. Eindride vart arva av si dotter hustru Sunniva. Etter di hustru Sunniva ikkje hadde born, dømte riksrådet at arven etter henne skulle gå til hennar morsøster, hustru Herborg Torbjørnsdotter, og hennar arvingar. Olav Mikkelsson la fram nokre brev som hevda at hans farfar Steffan, hadde teke med seg frå Sverige mange hundre noblar og andre pengar, og for dei pengane innløyst det jordegodset for Gudrun, som hustru Sunniva seinare arva. Olav ville ha att så mykje av godset som pengane var verd. Riksrådet fann at breva var falske, og skar dei sund (*DN I*, nr. 1068).

1901. Etter alt å døma slik i originalbrevet som finnest ved UBB, Diplomsamlinga. *DN* har «Torgyl[yc]tsson». Ei alternativ tolking er «Torgylgetssom».

1902. *DN IV*, nr. 1060.

1903. Sjå under Holte Toresson på s. 489. Jf. Løberg 1997, s. 143.

der han har fire gardar av Rike-Torsteins gods i pant av erkestolen.¹⁹⁰⁴ Han er stamfar for den såkalla Dall-ætta, som er eit svært illustrerande eksempel på korleis ei norsk lågadelsett vert sosialt degradert gjennom fleire generasjonar frå starten av 1500-talet og godt inn på 1600-talet.¹⁹⁰⁵ Ein kjenner ikkje til mellomaldersegl frå denne ætta, men frå tidleg nytid finn ein ei rekkje segl, og fellstrekket i seglmerka er ei lilje, rett nok med store variasjonar elles. Frå Sogne-greina kjenner ein til dømes berre seglet til herr Viderik Torbjørnsson, sokneprest i Førde i Sunnfjord, og son til Torbjørn Gautesson på Fimreite. Meg kjent har det aldri vore publisert (fig. 135). Det viser ei lilje med ei sparre over, og initialane VT. Ved adelshyllinga i 1591 fører både Erik Jonsson til Brandvik (broren Gaute skriv under hyllinga, men det er seglet til Erik som heng under brevet), Mats Jonsson til Sveio og Kristoffer Dall til Seim segl med liljevariasjonar i våpenmerka. Kristoffer Dalls våpenmerke er ei lilje, medan Erik og Mats Jonssønens segl viser ei kløyvd lilje med ei seksodda stjerne over.¹⁹⁰⁶

Væpnaren **Hans Kruckow** er sikkert kjent først i eit brev frå 1505 der islendingen Björn Þorleifarson pantsar ein del jordegods på Island til velbyrdig mann «Hans Krwchog oc hans ærlige kvinnu hustrw Suniffv». Nokre brev frå 1508 fortel at biskop Gottskålk på Hólar har overteke gjelda til Björn, og i eit brev frå 1529 gjev Johan Kruckow skøyte til biskop Ögmundur Pálsson i Skálholt på dei jordene, godset og pengane som «Björn Thorleifsson seldi og feck min brodur Hans Kruko godrar minningar». Hans Kruckow er då truleg død ei god stund før dette, for alt i 1520 er arvingane hans omtalte.¹⁹⁰⁷ Hans Kruckow er truleg også identisk med han som etter Absalon var befalingsmann på Bergenhus i 1508.¹⁹⁰⁸ I 1514 er han med i ein domskommisjon i Bergen, og det er tvillaust også han som i 1516 amagar på salet av garden Tolstad i Vågå som Botolv Eindridesson selde til Alv Knutsson i 1463 (sjå s. 325). Han var altså gift med hustru **Sunniva Eindridesdotter**, som truleg døydde i 1524.¹⁹⁰⁹

1904. *OEJ*, s. 68–69.

1905. Sjå Løberg 1997.

1906. Løberg 1997, s. 153; jf. Ekkje 1983, s. 13–14. Kjelda er NRA, *Diplomsamlinga*, Statsforfatning og sentralstyrelse, Hyllinger, 57. Adelen i Norges hyllingsbrev til Kristian IV. i Oslo 8. juni 1591.

1907. N. Stene 1932a, s. 138–139.


1908. Abs., *Om Norges Rige*, s. 77.

1909. N. Stene 1932a, s. 144–145.

4.42 Kring Freim i Odda

Garden Freim ligg i bakkehallet på austsida av elva Opo og fjorden, og var rekna som ein av dei beste fruktgardane i Odda. I moderne tid har meir og meir av garden vorte del av bybusetnaden i Odda. I tidleg nytid er det meste av garden bondegods, og fordelt mellom nokså mange jord-eigarar,¹⁹¹⁰ utan at det kan påvisast noko slektskap til den slektskrinsen som ser ut til å ha ått i garden i mellomalderen. Eg set her inn ei tavle som skisserer korleis slektskapet mellom nokre av dei involverte i transaksjonane nedanfor *kan* ha vore. Om det er eit slektskap mellom desse og eventuelle tidlegare eigarar i Freim (sjå sak 59 og 274), er uvisst.

Tavle 29. Kring Freim i Odda.



SAK 592: 9. august 1377, Instanes i Ullensvang: Vitnebreiv frå Orm Helgesson og Tore Jons-son. Dei var til stades då **Hallad Torsteinsson** selde 2 ½ mmb i Freim (Ull 28) i Odda sokn i Hardanger, med ein tredel av frukthagen og landingsplass for båt nedafor Freim til **Hallvard Gautsson** for 8 kyrlag. Jon Toresson og Orm Helgesson gjer også kjent at dei var på kyrkje-garden i Ullensvang då **Torstein Gautsson**, bror til Hallvard, betalte dei 2 laup som stod att, og Hallad vedgjekk å ha fått full betaling. Jorda på Freim var dermed frels i høve til Hallad, hans kone Ingeleiv og deira etterkomarar.¹⁹¹¹

Korkje **Hallad Torsteinsson** eller brørne **Hallvard Gautsson** og **Torstein Gautsson** har eg funne ytterlegare informasjon om, og dei let seg dermed ikkje identifisera nærare.

1910. Kolltveit 1967, s. 165–166.

1911. DN IV, nr. 506; RN VII, nr. 673.

SAK 593: 1421, Odda: Vitnebrev om at **Sundre Brattsson, Ingeborg Sigurdsdotter** og **Helga Sigurdsdotter** vedgjekk å ha selt til **Hallvard Simonsson** 2 ½ mmb i Freim (Ull 28) i Odda sokn, og 1/3 i saltverket og heile aldehagen som høyrte til.¹⁹¹²

Sundre Brattsson har eg ikkje funne ytterlegare informasjon om. Namnet Sundre er elles sjeldsynt i mellomalderen, og det førekjem i hovudsak i Telemark, Grenland, Eiker og Sandsvær austafjells.¹⁹¹³ **Ingeborg Sigurdsdotter** er rimelegvis søster til **Helga Sigurdsdotter**, og kan henda har Sundre vore gift med ei av desse søstrene, ettersom dei opptrer saman. Heller ikkje desse to har eg funne fleire opplysningar om.

Hallvard Simonsson opptrer også berre i denne samt den følgjande saka, og let seg dermed ikkje identifisera sikkert. Rimelegvis er han bror til den Sigurd Simonsson som er nemnt i 1472 (sjå nedanfor) og son av Simon Eiriksson i same brevet.

SAK 594: 1[4]44, Børve i Ullensvang: Vitnebrev frå lagrettemenn i Hardanger. **Hallvard Simonsson** fletførte dottera si **Ingebjørg** til sin son **Gaute**, hennar samborne bror, og at han med henne overlot til Gaute 7 mmb i Freim (Ull 28) i Odda kyrkjesokn og 6 spansbol i Vass-tun (Ull 24) og 5 kyrlag, mot at Ingebjørg skulle ha mat og melkeku så lenge ho levde. Gaute skulle arva alt etter henne når ho var død.¹⁹¹⁴

Heller ikkje søskenparet **Ingebjørg Hallvardsdotter** og **Gaute Hallvardsson** har det vore mogleg å identifisera nærare.

SAK 595: 25. januar 1469, Bleie i Ullensvang: Vitnebrev frå Magnus Eilivsson, Viking Finns-son og Samson Erlingsson. Dei har aldri høyrte anna enn at **Torgeir Brattsson** eig 2 ½ mmb i indre tunet i Aksnes (Vikøy 3–4) i Vikøy sokn i Hardanger, og har ått det i 80 år eller meir, og hans forfedrar før han, mann etter mann.¹⁹¹⁵

Torgeir Brattsson er heller ikkje nemnt i andre kjelder enn dei som vedkjem denne saka. Eigedom i Aksnes i Vikøy kan indikera slektskap med folket på Noreim i Kvam (kap. 4.14), og namnet Bratt gjer det mogleg med ei kopling til Aslak Brattssons slekt (kap. 4.10) som også eig jord i dette området. Det er likevel for uvisst til at eg tør konkludera med noko. At sonen Svein er nemnt lagrettemann (sjå følgjande sak), fører likevel Torgeir inn i den lokale eliten i Hardanger.

1912. DN XXI, nr. 288.

1913. E. H. Lind 1905–1915, sp. 977–978.

1914. DN XXI, nr. 425.

1915. DN XV, nr. 95.

SAK 596: 1472, Børve i Ullensvang: Kunngjering frå Svein Torgeirsson, lagrettemann i Hardanger. Far hans, **Torgeir Brattsson**, med samtykke frå mor hans og han sjølv, hadde selt til hans morbror **Sigurd Simonsson** så mykje som han åtte i Freim (Ull 28) i Odda sokn og Kinsarvik skipreide, og som **Simon Eiriksson** hadde ått, med saltverk både utanfor og innanfor. Torgeir hadde fått full betaling av Sigurd.¹⁹¹⁶

Sigurd Simonsson har eg heller ikkje funne nemnt i andre kjelder enn dei som vedkjem denne saka. Rimelegvis er han son av den **Simon Eiriksson** som også er nemnt her. Den sistnemte førekjem derimot i eit par andre brev frå mellomalderen. I 1398 kunngjer to menn at dei var på Tokeim i Odda kyrkjesokn i Hardanger og høyrde vitnesbyrd om og sjølv borga for at Simon Eiriksson aldri hadde selt den tønna med kjøt som var falsk («þa kiottunno sem fals var j»).¹⁹¹⁷ I 1415 er han nemnt sist av to menn som utferdar eit vitnebrev om forlik om arven etter Orm Isaksson.¹⁹¹⁸ Ut frå dette, samt at dottersonen var lagrettemann, kan det vera rimeleg å rekna han til den lokale eliten i Hardanger, og det same må då også gjelda for barna hans

SAK 597: 1487, Opedal i Ullensvang: Vitnebrev frå Svein Torgeirsson og Gunnar Silfestsson, lagrettemenn. Dei kunngjer at Torgeir Brattsson og hustru Gudrun gav att vitnesbyrd etter far hennar om eit halvt mannsverk, som **Sigurd Simonsson** og hans bror åtte i Freim (Ull 28) i Odda kyrkjesokn, og at Torgeir Benktsson, som då var 100 år gammal, stadfesta at dei saltverka som høyrte til Freim utanfor og innanfor, følgte det mannsverket som Sigurd åtte, vidare at Torgeir Frendesson gav grensene for ein frukthage i ytre Ragde (Ull 27) i Odda sokn og opplyste at Sigurd Simonsson og hans bror var odelsbårne til heile Freim.¹⁹¹⁹

1916. *DN XXI*, nr. 569.

1917. *DN IV*, nr. 681.

1918. *DN IV*, nr. 800.

1919. *DN XXI*, nr. 625.

4.43 Kring Askatinsgarden og Tuft i Bergen

Askatinsgarden var ein av bygardane som låg ved Øvrestretet i Bergen, medan Tuft låg i Vågsbotnen.¹⁹²⁰

SAK 598: 21. juli 1388: Vitnebrev frå sira Sigurd Fridreksson, prest i Vågan, Tore Tordsson og Peter Nikolasson. Dei var tilstades den 12. juli då **Ingebjørg Hallvardsdotter**, frisk til sinns, testamenterte Askatinsgarden i Bergen og eit sølvbelte til **Sakse Andresson**, husbonden sin.¹⁹²¹

Ingebjørg Hallvardsdotter ligg etter alt å døma for døden i 1388.

Kven ho har vore dotter av er uvisst, men rimelegvis har ho vore slekt i dei tre Ånundsøtrene på eitt eller anna vis, ettersom hustru Gudrun stadfestar gåva i neste sak. Mannen hennar, **Sakse Andresson**, var kan henda ein soneson av riddaren Ogmund Guttormsson.¹⁹²² Forutan i dei to breva som utgjer denne og den følgjande saka, opptrer han i eit brev frå 1400 kring noko jordegods på Toten, og er der nemnt ein av to «goder mæn» som medsegjar saman med seljaren.¹⁹²³ I testamentet til Jon Marteinsson på Sørum frå 1400 vert han tilgodesett med eit drikkehorn.¹⁹²⁴ Ei innførsle i biskop Øysteins jordebok fortel dessutan at han gav 2 markebol i Apaldsvoll i Hof på Toten til bispestolen i Oslo.¹⁹²⁵ Truleg var han væpnar, sjølv om dette ikkje går direkte fram av kjeldene.



Figur 136. Seglet til Sakse Andresson frå 1400 (*NoSigV*, nr. 1344).

SAK 599: 18. oktober 1390, Bergen: Vitnebrev utferda av Peter Nikolasson, sylemann i Ryfylke, og Ivar Sigurdsson og Hjarrande Beintsson, rådmenn i Bergen. Dei var til stades i Lübeck 24. juli 1390 då hustru **Gudrun Ånundsdotter**, frisk til sinns men sjuk på lekamen, stadfesta **Ingebjørg Hallvardsdotters** gåve til sin mann, **Sakse Andresson**: Askatinsgarden i Mariakyrkja sokn i Bergen.¹⁹²⁶

Hustru **Gudrun Ånundsdotter** er berre kjend frå dei breva som er regesterte i samband med dette delkapitlet. Mannen hennar har rimelegvis vore væpnar, men kven det kan ha vore er uvisst. Ei giss-

1920. B. Lorentzen 1951, s. 248 og 253.

1921. *DN IX*, nr. 181; *RN VII*, nr. 1459.

1922. Jf. Fosmo 1987, s. 199–201 og 207; Løberg 2003, s. 9.

1923. *DN V*, nr. 396.

1924. *DN XVI*, nr. 42.

1925. *RB*, s. 236.

1926. *DN I* nr. 527; *RN VII*, nr. 1642.

ing kan vera Peter Nikolasson, systemannen i Ryfylke, som er medutferdar av begge desse breva vedrørende Askatinsgarden, samstundes som han var i Lübeck då hustru Gudrun låg døyande, men noko meir enn ei gissing vert det ikkje.

SAK 600: 3. september 1416, Bergen: Vitnebrev frå Brynjulv Natulvsson og Nisse Jonsson. Dei var til stades då **Ragnhild Ånundsdotter** og **Gudrid Ånundsdotter**, søstrene hennar, vedgjekk for dei at dei for 18 år sidan (omlag 1398) hadde gjeve til **Gudrid Hallsdotter**, dotter til Ragnhild, ein butomt i garden Tuft i Krosskyrkjesoknet i Bergen, og som dei hadde arva etter søster si, **Gudrun [Ånundsdotter]** i Tuft.¹⁹²⁷

Ragnhild Ånundsdotter har eg ikkje funne meir om enn det som går fram av breva her. Ho må ha vore gift med ei Hall som var far til Gudrid Hallsdotter. Rimelegvis er dette den Hall Arnesson som er nemnt i brevet frå 1423 nedanfor. Ettersom søstera Gudrun var gift med ein væpnar, er det rimeleg å rekna heile slektskrinsen til søstrene til aristokratiet.

Gudrid Ånundsdotter er heller ikkje mogleg å identifisera sikkert. Det kan tenkjast at ho er identisk med den Gudrid Ånundsdotter som i 1379 er gift med Munan Torleivsson (Stumpe),¹⁹²⁸ men noko sikkert kan ikkje seiast om dette.

Gudrid Hallsdotter er heller ikkje kjend frå andre kjelder, men ho må reknast til det same sosiale sjiktet som resten av slekta hennar.

SAK 601: 11. november 1422, Bergen:¹⁹²⁹ Vitnebrev frå Jon Petersson, rådmann i Bergen, Lasse Marteinson og Øystein «Kringir», lagrettemenn same stad. Dei var til stades då **Heine Henriksson** vedgjekk å ha selt til **Gudrun Ånundsdotter** ein tomt som heiter Tuft i Krosskyrkjesoknet i Bergen. Likeeins vedgjekk Heine Henriksson å ha fått full betaling.¹⁹³⁰

Heine Henriksson er berre kjend frå denne saka, og let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 602: 27. mars 1423, Bergen: Domsbrev frå Einar Eindridesson, lagmann i Bergen, Jon Ivarsson, Peter Jonsson, Tore Jonsson, Jon Øyvindsson og Eindride Halvdansson, rådmenn i Bergen. Kom for dei på den eine sida **Torkjell Hallgrimsson** på eigne og si kones vegne, og

1927. DN XII, nr. 161.

1928. DN I, nr. 455; RN VII, nr. 793. Jf. P. A. Munch 1863, s. 167–168.

1929. Brevet må anten vera feildatert, eller omtala ein handel som har gått føre seg mange år tidlegare, ettersom Gudrun Ånundsdotter etter alt å døma døyde i Lübeck sommaren/hausten 1390 (DN I nr. 527).

1930. DN XII, nr. 174.

på den andre sida **Hall Arnesson**. Torkjell kjærte på Hall Arnesson om ei tomt som søstrene **Gudrid** og **Ragnhild Ånundsdøtre** hadde gjeve til Torkjell. Tomta vart tildømt Torkjell Hallgrimsson.¹⁹³¹

Torkjell Hallgrimsson er heller ikkje kjend frå andre kjelder enn dei som er omtalte her. Han var gift med Gudrid Hallsdotter, og må såleis også reknast til aristokratiet.

Hall Arnesson er etter alt å døma far til Gudrid Hallsdotter, og enkjemannen etter Gudrid Ånundsdotter. Kvifor han elles skulle sitja med den tomta som Gudrid og Ragnhild Ånundsdøtrer hadde gjeve til Gudrid Hallsdotter (og Torkjell Hallgrimsson) er i tilfelle vanskeleg å forklåra. Heller ikkje han er nemnt i andre kjelder.

SAK 603: 24. mars 1427, Bergen: Gåvebrev frå **Torkjell Hallgrimsson**. Med samtykke frå si kone, **Gudrid Hallsdotter**, har han gjeve til klosteret, med deira felles dotter, **Ragnhild**, som skal inngjevast i St. Birgittas orden i Munkeliv kloster, ein tomt som heiter Tuft i Krosskyrkjesoknet nordafor [Kross]kyrkja i Bergen.¹⁹³²

Ragnhild Torkjellsdotter er også berre kjend frå denne eine saka. Ho må også reknast til det same sosiale sjiktet som resten av slekta. Dette fortel samstundes noko om kva samfunnslag som rekrutterte til klostera i Bergen, det lågare sjiktet av aristokratiet. Heilt tilsvarende finn ein til dømes i nonneklostra i East Anglia i seinmellomalderen, der det store fleirtalet av nonner med identifiserbar familiebakgrunn kom frå det tilsvarende sosiale sjiktet i England, det såkalla *gentry*.¹⁹³³

1931. *DN XII*, nr. 175.

1932. *DN XII*, nr. 187.

1933. Oliva 1995, s. 39.

4.44 Kring Æri-godset i Lærdal

Æri-godset får vi best greie på gjennom nokre dokument frå 1500-talet, der det også kjem fram at det var tale om gods i Hardanger i tillegg til det i Sogn som kjem fram i Vincens Lunges jordebok frå 1535.¹⁹³⁴ I København den 6. juli 1537 får fru Margrete Nilsson, herr Vincens Lunges etterleverske, stadfesting på eit pergamentbrev utgjeve i Bergen i 1529, lydande at **Karine Alvsdotter** har selt til herr **Vincens Lunge** noko av sitt kjøpegods, som hennar far **Alv Knutsson** kjøpte av ærleg og velbyrdig kvinne fru Karine Hansdotter, liggjande i Sogn og Hardanger, som vert kalla Æri og Æri-godset.¹⁹³⁵ Den 1. august 1539 får fru Margrete ein herredagsdom på at ho får behalda godset, som vert skildra som noko gods og eigedom i Sogn og Hardanger, som heiter «Ederøen oc Ederøens gotz», og som skulda 16 laup smør årleg. Vidare kjem det fram at fru **Karine Hansdotter** selde godset til Alv Knutsson, igjen hadde arva det etter si dotter, fru **Kristine**, herr **Torgaut Benktssons** dotter.¹⁹³⁶ Nøyaktig kva som utgjorde Hardangerdelen av Æri-godset er ikkje godt å seia, men basert på kva jordeigedom som er nemnt i dei følgjande sakene, er det rimeleg å rekna med at Utne (Ull 108) er ein av gardane. Her er Vincens Lunge sagt å eiga ein part som heiter «Graff» som skuldar ½ laup smør og 1 laup salt.¹⁹³⁷ Eg set her inn eit kart som viser den geografiske plasseringa av Æri-godset i Sogn.



Kart 6. Kart som viser gardane (gardpartane) som utgjorde Æri-godset slik det var samansett då Vincens Lunge åtte det i 1535 (NRJ IV, s. 485). Konsentrasjonen av jordegods i Hafslo, indikerer klart eit samband til Pål Arnfinnsson på Kvam.

1934. NRJ IV, s. 485–486.

1935. *Det Kgl. rettertings domme og rigens forfølgninger fra Christian III's tid*, bd. I, s. 571.


1936. DN IV, nr. 1114. Riddaren og riksråden **Torgaut Benktsson** (n. 1437–1460) var tremenningen til **Pål Hallvardsson** på Skåe gjennom deira felles oldefar, riddaren og systemannen Guttorm Eiriksson († oml. 1349). Jf. Leistad 1997, s. 316–319.

1937. NRJ IV, s. 471.

SAK 604: 6. februar 1393, Oslo: Vitnebrev om forlik frå Finnboge Toresson, lagmann på Opplanda, Harald Kolbjørnsson, lagmann i Oslo, og Ulv Lavransson og Gudbrand Nikolasson, rådmenn i Oslo. Dei var til stades då **Hallvard Alvsson** på den eine sida, handtokst og gjorde forlik med **Pål Arnfinnsson** på den andre sida, om den arven og det godset som **Jartrud Arnfinnsdotter** i Sogn åtte, både i laust og fast. Pål skal avhenda til Hallvard det godset han har [etter Jartrud], både i laust og fast, forutan fjerdings- og tiendegåvene som Pål skal behalda.¹⁹³⁸

At det her er tale om Æri-godset i Sogn, kjem fram i vidissa frå 1432 som inneheld dette brevet, der det er skriva at dette er «breff hans Pal Haluardson om Ædhrena goz som ligger i Sogne».¹⁹³⁹

Hallvard Alvsson er nemnt første gong i 1379, då han kjøper ein gardpart i Lom. Alt då er han skriven til Sandbu, og har dermed teke over setegarden til den såkalla Gjesling-ætta i Gudbrandsdalen. Mellom 1384 og 1415 er han i ei rekkje brev nemnt som sylemann i Gudbrandsdalen, men han ser ikkje ut til nokon gong å ha vorte riddar. Han døydde på Sandbu ein gong mellom 8. januar og 1. februar 1429, og har truleg då vore over 80 år gammal. Han var gift to gonger. Første gong med Jartrud Pålsdotter, enkja etter væpnaren Gunnar Erlendsson på Sandbu, og som er nemnt i åra 1353–1362, men som framleis må ha vore i live i 1393. Truleg døydde ho kring 1400. Ho må ha vore ei dotter av Pål Arnfinnsson på Kvam i Hafslo (sjå s. 315).¹⁹⁴⁰ Hallvard Alvsson vart gift for andre gong med Gjertrud Pålsdotter som er handsama nedanfor.




Figur 137. Seglet til Hallvard Alvsson frå tida 1398–1403 (*NøSigV*, nr. 1312).

1938. *DN III*, nr. 510; *RN VIII*, nr. 208.

1939. *DN III*, nr. 716.

1940. H. Sollied 1941–1942, s. 273–277.




Figur 138. Seglet til Pål Arnfinnsson frå 1361 (*NoSiggV*, nr. 737).

Pål Arnfinnsson er berre sikkert kjent frå denne saka. Etter alt å døma må han vera ein soneson av Pål Arnfinnsson på Kvam, og ein brorson av hustru Jartrud Pålsson. Det medfører at han kjem lenger ut i arvetalet med omsyn til arven etter **Jartrud Arnfinnsdotter** som igjen må ha vore ei søster av Pål Arnfinnsson på Kvam.¹⁹⁴¹ Ho er heller ikkje kjend frå andre kjelder enn denne eine. Som eg tidlegare har nemnt har eg ikkje tru på at denne Pål Arnfinnsson er identisk med Pål Arnfinnsson gullsmed (sjå s. 455) slik Sollied meinte. Dersom han i det

heile er omtalt i andre kjelder, er han snarare identisk med den Pål Arnfinnsson som i 1361 er nemnt som nummer to av fire menn som utferdar eit provsbrev om ætt på Stee i Vestre Slidre i Valdres.¹⁹⁴² Det som talar mot denne identifiseringen er seglmerket, men åleine er ikkje det nok til å avvise ein samidentifikasjon. Eg set inn ei slektstavle som viser samanhengen slik eg meiner den må vera.

Tavle 30. Kring Æri-godset i Lærdal.¹⁹⁴³



1941. H. Sollied 1941–1942, s. 277–279.

1942. *DN* III, nr. 319; *RN* VI, nr. 742.

SAK 605: 9. april 1428, Sandbu i Vågå: Vitnebrev utferda av Hallvard Alvsson, Roland Gottskalksson, prest på Vågå, Steinar Øysteinsson og Ivar Birgersson, lagrettemenn. Dei var til stades då hustru **Gjertrud Pålsson**, frisk på sinnet men sjuk på lekamen, med samtykke frå [sin mann] **Hallvard Alvsson**, gav til **Halldor Sigurdsson** så mykje som ho åtte i Hauge (Lus 26), Yttri (Lus 8) og Bringe (Lus 42) i Dale sokn i Sogn.¹⁹⁴⁴

Hustru **Gjertrud Pålsson** er altså andre kona til Hallvard Alvsson på Sandbu, og døydde rimelegvis på Sandbu i april 1428. Kven ho var dotter av er ukjent, men det ser ut til at det er ho som var hovudarvingen til Gunnar Erlendsson på Sandbu, første mannen til Hallvard Alvssons første kone. Etter at ho var død gjekk Sandbu over til hennar arvingar. I 1414 kjem det forøvrig fram at ho var frenke til hustru Ragna Ingemundsdotter (sjå s. 166) som gav noko gods i Vågå til Gjertrud.¹⁹⁴⁵

Halldor Sigurdsson er kjent i kjelder frå Lom i tida 1418–1461, og er knytt til Blakar,¹⁹⁴⁶ der han rimelegvis budde, i åra 1428, 1429 og 1439. I 1418 kvitterer han for arven etter sin samborne bror Olav Sigurdsson. Enkja etter Olav, Tjodonna Æiligsdotter var gift på ny med Sigvat Jonsson og budde på Alvastad i Trondenes sokn på Helgeland, og det er utrykkeleg sagt at Olav Sigurdssons gods låg sør i Viken.¹⁹⁴⁷ Han opptretr også som lagrettemann i Gudbrandsdalen ei rekkje gonger i tida 1430–1452. Tore H. Vigerust skriv at når nokre av dei private heimelsbrev hans, mellom anna eitt frå 1429 der han får kvittering for den tida han var dannesvein og ombodsmann hjå syslemann og riksråd Hallvard Alvsson,¹⁹⁴⁸ er overlevert i gardsarkivet på Blakar i Lom, «bør vi trekke den konklusjon at den senere ætten på Blakar på ett eller annet ukjent vis nedstammer fra ham».¹⁹⁴⁹ Halldor Sigurdsson må såleis reknast å tilhøyra det lågare sjiktet av aristokratiet.¹⁹⁵⁰

SAK 606: 16. januar 1429, Sandbu i Vågå: Vitnebrev frå Roland Gottskalksson, sokneprest på Vågå, Arne Åmundesson, Torstein Pålsson, Åmund Nikolasson og Eirik Bjørnsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Halldor Sigurdsson** spurte **Pål Hallvardsson** om han samtykte i det makeskiftet som **Hallvard Alvsson**, far hans, hadde gjort med Halldor. Pål svara ja, og samtykte i det same makeskiftet som far hans, Hallvard, hadde gjort med Halldor. Halldor fekk

1943. Jf. H. Sollied 1941–1942, s. 278; Leistad 1997, s. 316–317.

1944. DN III, nr. 694.

1945. Jf. H. Sollied 1941–1942, s. 274–275.

1946. Jf. t. d. Kolden 2002, s. 499.

1947. DN II, nr. 646.

1948. DN X, nr. 150.

1949. Innlegg av Tore H. Vigerust den 3. april 2005 i debatt nr. 29256: Lom: Var Halldor Sigurdsson Blakar far til Birgitte?, på Digitalarkivets brukarforum, sjå <<http://digitalarkivet.uib.no>>.

1950. Takk til Tore H. Vigerust for opplysningar om Halldor Sigurdsson (Sjugurdsson).

då Blakar i Lom i Gudbrandsdalen, samt 3 kyrleiger i Stavrust i same soknet av Pål, medan Pål Hallvardsson fekk så mykje jord som hustru **Gjertrud Pålsson** åtte i Hauge (Lus 26), Bringe (Lus 42) og Yttri (Lus 8) i Dale kyrkjesokn i Luster i Sogn av Halldor Sigurdsson.¹⁹⁵¹

Pål Hallvardsson er kjent frå ei rekkje brev mellom 1428 og 1442, og i 1432 er han nemnt kongens ombodsmann, altså systemmann, i nordluten av Gudbrandsdalen. Ein gong før 1430 vart han gift med Sigrid Eiriksdotter, men det ser ikkje ut til at han hadde barn med henne, ettersom sonen Guttorm Pålsson må vera frå eit tidlegare ekteskap. Rimelegvis har han overlevd sonen sin, Guttorm.¹⁹⁵²

SAK 607: 31. oktober 1438, Skåe i Øyer: Kunngjering frå **Pål Hallvardsson**. Han gjev beskje-deleg mann Hallgeir Kviksson fullt ombod med styringa av «Audna» (Utne?, Ull 108) og dei andre jordene og jordpartane som han eig i Hardanger, ettersom den avtalen han hadde med Håkon Bolt no var forelda av di sonen hans, **Guttorm [Pålsson]** no var komen til full alder.¹⁹⁵³

25. april 1441: Fullmaktsbrev frå **Pål Hallvardsson** og hans son **Guttorm [Pålsson]**. Dei gjev Hallgeir Kviksson fullmakt til å bygsla bort og krevja landskyld av alle deira jorder og jordpartar i Hardanger.¹⁹⁵⁴

Guttorm Pålsson er rimelegvis fødd kring 1418, ettersom det i 1438 vert sagt at nettopp er komen i full alder. I 1440 er han nemnt mellom «righesens thiænistemæn i Noreghe» som medseglar riksrådets oppseiingsbrev til kong Erik i Oslo.¹⁹⁵⁵ Siste gong han er nemnt eksplisitt i live er i dette brevet frå 1441, og han er truleg død før 21. september 1442 då faren stadfestar eit avslutta makeskifte som han har gjort med Halldor Sigurdsson.¹⁹⁵⁶

1951. DN X nr. 151.

1952. H. Sollied 1941–1942, s. 279–280.

1953. DN II, nr. 735.

1954. DN I, nr. 776.

1955. *NgL* 2 I, nr. 97, s. 188.

1956. DN III, nr. 772.

4.45 Kring Åfjorden i Bergen

Åfjorden (eller Jakobsfjorden) er namnet på ein bygard på Bryggen i Bergen, som ligg mellom Einarsgarden (Enhjørningen) og Bellgarden.¹⁹⁵⁷

SAK 608: 25. november 1399, Bergen: Vitnebrev frå Hermann Klostermann og Hanis Westhof. Dei var til stades då bror van Aken og bror Peter, konventbrør i Munkeliv, på vegne av abbeden, gjorde makeskifte med **Eindride Halldorsson**, slik at Eindride fekk 18 mmb i Austreim (Kyr 53) i Austreim kyrkjesokn i Sogn. Mot dette gav Eindride Halldorsson til klosteret heile den luten i nedre veggen i Åfjorden i Peterskyrkjas sokn, nedanfor den luten som **Gudrun Guttormsdotter** eig, og ¼ i setstova i ytre veggen, og likeeins i eldhuset og bryggeromma med hus og tomter og alt det som ligg til.¹⁹⁵⁸

Gudrun Guttormsdotter har eg ikkje funne ytterlegare opplysningar om, men det er rimeleg å rekna henne til eit lokalt elitesjikt ettersom ho har eigedom i byen.

Eindride Halldorsson er heller ikkje kjent frå andre kjelder enn dei som vedkjem sakene her. Eg vil likevel rekna både han og familien hans til eit lokal elitesjikt på same måte som Gudrun Guttormsdotter. Det kan elles sjå ut til at dei kan ha eit samband til Sogn, ettersom dei får jord i Kyrkjebø (Høyanger) og i Kvamsøy (Vik) til vederlag for Åfjorden.

SAK 609: 19. august 1400(?), Åfjorden i Bergen: Vitnebrev frå Bernhard van Borken, Hermann Klostermann og Hanis Westhof. Dei var til stades då herr Jon, abbed i Munkeliv, handtokst med **Olav Halldorsson**, og Olav lova å halda den avtalen som hans bror, **Eindride**, hadde gjort med bror Bernhard og bror Peter vedrørande garden Åfjorden i Bergen.¹⁹⁵⁹

23. oktober 1410, Bergen: Vitnebrev frå Orm Isaksson, rådmann, Arnfinn Åmundesson, lagrettemann, Radeke Kæding og Henike Ulv, kjøpmenn på Bryggen i Bergen. Dei var til stades då **Olav Halldorsson** og **Eindride Halldorsson** overdrog til abbed Stein og Munkeliv kloster sin tomt i Åfjorden i Peterskyrkjas sokn i Bergen, medan klosteret overdrog til brørne Olav og Eindride klosterets gard Kvamme (Vik 90) i Kvamsøy kyrkjesokn i Sogn.¹⁹⁶⁰

23. juni 1419, Bergen: Vitnebrev frå Hanis Eyntwintigh, Henik Ulfot og Bård Amundsson. Dei var til stades då **Olav Halldorsson** selde til abbed Stein og konventbrørne i Munkeliv ein tomt i ytre veggen i Åfjorden i Peterskyrkjesoknet i Bergen, med setstove, kjellar og eldhus, og vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁹⁶¹

1957. B. Lorentzen 1951, s. 242; K. Helle 1982, s. 239, jf. kart s. 231.

1958. DN XII, nr. 133; RN VIII, nr. 779.

1959. DN XII, nr. 134; RN VIII, nr. 869.

1960. DN XII, nr. 148.

Olav Halldorsson er bror til Eindríde Halldorsson. Heller ikkje han har eg lukkast i å finna ytterlegare informasjon om.

SAK 610: [omlag 1420], [Bergen]: Salsbrev frå **Olav Halldorsson** og **Sigurd Eindridesson**.

Dei har selt til abbed Stein og konventet i Munkeliv kloster ein tomt i nordsida av Åfjorden i Peterskyrkjesoknet, med helvta i steinkjellaren og det som høyrer til i skytningsstova og eldhuset. Olav kunngjorde også at hans bror, Jon, ikkje har rett til å ha noko med denne tomta å gjera, ettersom han berre er ein halvbror.¹⁹⁶²

13. november 1425, Munkeliv: Vitnebrev frå Aslak Bårdsson, Aslak Åmundesson og Torkjell Hermannsson, lagrettemenn i Sogn. Etter oppmoding frå bror Stein, tidlegare abbed i Munkeliv, høyrte dei på ei samtale mellom bror Stein og **Sigurd Eindridesson**, der Sigurd vedgjekk at han to år tidlegare (1423) hadde selt til abbeden og klosteret ein tomt med hus i Åfjorden i Peterskyrkjesoknet i Bergen, som han hadde arva etter sin far, **Eindríde Halldorsson**, og fått full betaling.¹⁹⁶³

Sigurd Eindridesson, son til Eindríde Halldorsson, opptrer til liks med dei andre, berre i denne eine saka.

1961. *DN XII*, nr. 167.

1962. *DN XII*, nr. 171.

1963. *DN XII*, nr. 180.

4.46 Gudrun Sigurdsdotter i Finnegarden

I 1407 vart det i Tórshavn på Færøyan, utferda ei vidisse av seks brev som omhandla arven av det såkalla Húsavíkgodset på Færøyan.¹⁹⁶⁴ Jordegodset låg både på Færøyan og på Hjaltland forutan i Noreg. Saka omhandla arven etter **Gudrun Sigurdsdotter** som hadde vore gift med **Arnbjørn Gudleiksson** i Húsavík. Sjølv om berre to av breva (7. september og 7. oktober 1403, sjå sakene nedanfor) går direkte på jordeigedom, er det for oversynets del greitt å gjennomgå alle seks, ikkje minst sidan dei gjev ein del ekstra informasjon som ikkje kjem direkte fram i dei to mest aktuelle breva. Det første brevet er dagsett Tórshavn den 22. august 1403, og er ei kunngjering frå tre menn om at dei var til stades då dommen om «Husa viks gods» vart opplesen, og at **Magnus Erlingsson** ikkje hadde noko å innvenda mot at godset vart frådømt han. Vidare hadde Trond Dagfinnsson spurt Magnus om han hadde forsømt seg i det ombodet han hadde hatt for Magnus Erlingsson og **Erlend Filippusson**, og til det hadde Magnus svara nei.¹⁹⁶⁵

SAK 611: 7. september 1403, Viðareið på Færøyan: Vitnebrev utferda av Sigurd Birgisson og Dagfinn Nikolasson. Dei var til stades då Ingrid Øyvindsdotter vitna om **Gudrun Sigurdsdotter** i Finnegarden, kona til **Arnbjørn Gudleiksson** i Husavik, og kva ho åtte: Ho åtte heile Finnegarden som var 15 hus og 68 stover, to luter i Bratten, tre gardar på «Hrossa lands strond», den eine heitte «Laudu fall», den andre Myra og den tredje Leite. Ho åtte 10 laupsbol i Ryfylke, og 46 skilling årleg landskyld av Hjaltland. I tillegg kom mykje lausøyre. Til sist nemner Ingrid at ho også hadde høyrte at Gudrun åtte 10 laupsbol i Sogn, men ho ville ikkje sverja at det var sant.¹⁹⁶⁶

Kvar desse tre namngjevne gardane kan finnast er uvisst. Det einaste området på Vestlandet eg har funne og som har to av tre gardsnamn som kan vera rette, er på det som i dag heiter Løfallstrand i Kvinnherad. Her ligg gardane Løfall (Kvi 77) og Myre (Kvi 79) nokså nær einannan, men her manglar ein gard Leite. Det er såleis ikkje usannsynleg at det kan vera desse gardane det er tale om.

SAK 612: 7. oktober 1403, Husum på Færøyan: Vitnebrev frå Jon Einarsson prest og Jon Nikolasson. Dei var til stades då Arnora Arnbjørnsdotter vitna at **Gudrun Sigurdsdotter**, som **Arnbjørn Gudleiksson** hadde til ekte, mellom anna åtte heile Finnegarden og halve Bratten, samt landskyld av Hjaltland, og mykje lausøyre.¹⁹⁶⁷


1964. DN I, nr. 611, dei vidimerte breva er nr. 589–592 og 605–606; DF, s. 36–48. Jf. *Shetland Documents 1195–1579*, nr. 17. Nokre av breva er også prenta i engelsk omsetjing i REO, nr. XIII, s. 28–31.

1965. DN I, nr. 589; RN VIII, nr. 1238; DF, s. 36–37.

1966. DN I, nr. 590; RN VIII, nr. 1239; DF, s. 38–40.

Det fjerde brevet er dagsett Viðareið den 22. mars 1404, og er eit vitnebrev frå tre menn om at Arnbjørn Gudleiksson som var gift med Gudrun, dotter til **Sigurd Hjalt** i Finnegarden, han åtte Húsavík og Dal, og så mykje som låg til Húsavík i Skálavík, Skarvanes og Sande. Etter han arva den ektefødde sonen hans, **Sigurd [Arnbjørnsson]**, dette godset, og etter at Sigurd døydde arva den ekte søstera hans det, og til slutt arva Gudrun det etter si ektefødde dotter.¹⁹⁶⁸ Dei to siste breva er utferda på Hjaltland. Det første av dei er dagsett Vindas (Windhouse) den 13. oktober 1405. Då kunngjer to menn at **Ragnhild Håvardsdotter** på Seter (på Yell) gav sin son Magnus sitt ombod vedrørende arven («allt þat gods ok peningha») som var etter Gudrun Sigurdsdotter i Húsavík. Vidare kunngjorde ho no for Trond Dagfinnsson at ho var nøgd med det forliket som Magnus på hennar vegne hadde gjort med Trond om denne arven.¹⁹⁶⁹ Det andre er dagsett Papil (Papell på Yell) den 9. november 1405, og er eit vitnebrev frå tre menn om at Ragnhild Håvardsdotter sjølv rådde over godset sitt då Trond Dagfinnsson kom til Vindas.¹⁹⁷⁰ Ut frå desse breva kan ein setja opp ei tavle for å letta oversynet over arvegangen.

Tavle 31. Gudrun Sigurdsdotter og slektskrinsen hennar.



At denne slektskrinsen har tilhøyrt aristokratiet kan det knapt vera tvil om.¹⁹⁷¹ Berre det at dei eig ein heil og ein halv bygard i Bergen skulle understreka det. I tillegg kjem jordegods spreidd over eit stort område: i Ryfylke, kan henda i Sunnhordland og Sogn også, samt på Hjaltland og på Færøyane. Godset på Hjaltland må vera Gudruns farsarv (jf. tilnamnet til far hennar), medan godset på Færøyane er Arnbjørn sitt gods. Det som då står att er spørsmålet om det øvrige jordegodset i Noreg,

1967. DN I, nr. 591; RN VIII, nr. 1243; DF, s. 43–44. Det har vore hevda at Arnora Arnbjørnsdotter som vitnar i brevet frå 1403, var dotter til Gudrun og Arnbjørn, men dette er heilt klårt ikkje mogleg, ettersom både Gudrun og borna hennar, så vel som Arnbjørn, må ha vore døde (lenge?) før 1403. Sjå til dømes Debes 1995, s. 110–122, om dette, og meir om Húsavík.

1968. DN I, nr. 592; RN VIII, nr. 1294.

1969. DN I, nr. 605; DF, s. 45–46.

1970. DN I, nr. 606; DF, s. 47–48.

1971. Jf. også Debes 1995, s. 110–111 og 115–119.

og kven det kom frå. Det er det førebels ikkje mogleg å svara på, men det må etter alt å døma vera eit slektssamband til Losna-ætta, ettersom Erlend Filippusson kan knapt vera nokon annan enn Erlend Filippusson i Losna (sjå s. 413). Eit slikt samband vert ikkje mindre sannsynleg når vi veit at Filippus Erlendsson på Osland åtte jord i både Ryfylke og i Sogn (sjå s. 412). Korleis eit slikt slektssamband har vore, er derimot heilt uvisst. Men det understrekar sannsynlegdomen av at denne slektskrinsen kring Gudrun Sigurdsdotter må ha tilhøyrt aristokratiet.

4.47 Kring Bergsbadstova i Bergen

Bergsbadstova lág, som namnet indikerer, på Berget ved Øvrestretet i Bergen, like ved der den noverande Fløybanestasjonen ligg.¹⁹⁷² Bading i badstover var utbreidd i norske byar i mellomalderen, og var truleg ei inntektskjelde for fleire gardeigarar i byen. Såleis høyrer vi at hirdmannen og islendingen Aron Hjørleivsson hadde to badstover i Bergen på 1200-talet, og kvar av dei hadde plass til 50 personar med all teneste. Han tok ein vegen penning av kvar i badeavgift, og vart ein rik mann på det. Bergsbadstova ser ut til å ha vore den viktigaste av badstovene i Bergen i seinmellomalderen.¹⁹⁷³

SAK 613: 7. oktober 1408, Bergen: Vitnebrev frå Ogmund Øysteinsson, Jon Bårdsson og Ingemar Kjetilsson. Dei var til stades og høyrte at Helga Hallbjørnsdotter, Hallkatla Jonsdotter og Margreta Eindridesdotter vitna for herr Jakob Fastulvsson at **Gudbrand Arnbjørnsson** arva $\frac{1}{4}$ i badstova på Berget etter mor si **Gudrun**, og at han kjøpte så mykje av søstera si, **Sigrid**, som ho åtte i badstova, for eit halvt pund engelsk. [På ei av segleimane står dessutan følgjande:] Vi høyrde også at Margreta Eindridesdotter vitna for herr Jakob Fastulvsson at Gudbrand Arnbjørnsson kjøpte av **Elin Arnesdotter** så mykje som ho åtte i badstova på Berget for 1 pund engelsk.¹⁹⁷⁴

10. desember 1408, Bergen: Kunngjering frå Eindride Arnesson. Det er han vitterleg at **Gudbrand Arnbjørnsson** hadde kjøpt frå **Elin Arnesdotter**, så mykje som ho åtte i badstova på Berget i Marteinskyrkjas sokn i Bergen, for 1 pund engelsk.¹⁹⁷⁵

Korkje **Gudbrand Arnbjørnsson**, mor hans **Gudrun**, eller søstera hans **Sigrid** har eg funne omtalte i andre kjelder enn denne.¹⁹⁷⁶ Det er likevel trygt å rekna dei minst å tilhøyra den lokale eliten i Bergen. Det same gjeld for **Elin Arnesdotter** som eg heller ikkje har funne meir opplysningar om.

SAK 614: 28. september 1420, Bergen: Makeskiftebrev utferda av abbed Stein i Munkeliv og alle konventbrørne. Dei har gjort makeskifte med beskjedeleg mann **Arvid Ingjeldsson** og hustru **Ingrid Simonsdotter**, kona hans, slik at dei får ein tomt [Arvidsgarden] på Stranda i Korskyrkjesoknet i Bergen, mot at Munkeliv får att den tomten som dei før hadde hatt av

1972. B. Lorentzen 1951, s. 250; K. Helle 1982, s. 294.

1973. K. Helle 1982, s. 437–438; «Viðbætur: Arons saga», kap. 16, s. 469, i *Sturlunga saga* III.

1974. *DN* II, nr. 601.


1975. *DN* II, nr. 604.

1976. Sigrid kan vel moglegvis tenkjast å vera identisk med hustru Sigrid Arnbjørnsdotter som er involvert i ein transaksjon på Voss i 1447 (sjå sak 369), men noko sikkert kan ikkje seiast om dette.

klosteret. Den nye tomten skal dei byggja etter eige ønskje og ha avgiftsfritt for seg og sine arvingar i 80 år, då den skal falla attende til klosteret.¹⁹⁷⁷

2. januar 1432, [Trondheim]: Kunngjering frå **Arvid Ingjeldsson**. Han går i provent hjå kanikane i Nidaros, og difor gjev han til dei si gard i Bergen på Munkelivs tomt, samt sine 2 lutar i badstova på Berget i Bergen, og den eine tridjungen same stad som tilhørte hans hustru [**Ingrid Simonsdotter**]. Med meir.¹⁹⁷⁸

Arvid Ingjeldsson er nemnt første gong i eit brev frå 1402, og opptretr alt då som rådmann i Bergen.¹⁹⁷⁹ Han opptretr som rådmann i fleire brev dei neste ti-åra, og siste gong vi møter han omtalt med denne tittelen, er i 1427 då han vitnar at nokre brev vedrørande birgittinerklosteret i Munkeliv sine privilegier og eigedomar er rett innførte i ei bok.¹⁹⁸⁰ Med omsyn til jordeigedom på Vestlandet, gjev kjeldene berre opplysningar om nokre bygrunnar i Bergen, slik det går fram av dei to breva som er refererte i denne saka. Arvid Ingjeldsson var etter alt å døma væpnar, trass i at eg ikkje kan sjå at han er omtalt med denne



Figur 139. Seglet til Arvid Ingjeldsson frå 1430 (DN V, nr. 597). Teikning i NRA, KA.

tittelen. Hustrutittelen hjå kona hans er likevel prov godt nok på dette,¹⁹⁸¹ og i 1439 er han omtalt med adelspredikatet «velborin man».¹⁹⁸² Ut over Vestlandet eig han dessutan ein del jord i Nord-Noreg, og er indirekte involvert i striden om arven etter drottseten Ogmund Finnsson (sjå s. 378).¹⁹⁸³ Typisk nok for den norske «lågadelen» i seinmellomalderen, er han mellom dei mange som omtalar seg sjølv som «fattige menn frå Hålogaland» i eit brev frå 1420, trass i at han må ha vore svært så velstående.¹⁹⁸⁴ I sine yngre dagar må han ha vore i teneste hjå riddaren og riksråden Otte Rømer, ettersom sonen hans, Svale Rømer, gav garden Valle i Flakstad kyrkjesokn i Lofoten til Arvid for «longa þiænist som ek giort hafdhe herra Otta Rømara».¹⁹⁸⁵ Siste gong Arvid Ingjeldsson

1977. DN III, nr. 652, jf. B. Lorentzen 1951, s. 228 og 257.

1978. DN V nr. 609.

1979. DN XII, nr. 136.

1980. DN XII, nr. 188.

1981. DN III, nr. 652: «(...) biskeideligan man Aruid Ingjeldsson raadman j Berguen ok hustrw Ingrido Symona dottor eigen kono hans (...)». Jf. dessutan S. Tveite 1968, s. 277; G. Solberg 1975, s. 162; G. Pettersen 1992, s. 75.

1982. DN V, nr. 686.

1983. Sjå t. d. H. Bjørkvik 2002, s. 19–22.

1984. DN I, nr. 670; S. Tveite 1968, s. 277; G. Solberg 1975, s. 159–162; G. Pettersen 1992, s. 75.


1985. DN V, nr. 597.

er nemnt i live, er den 11. mai 1434 då han, sjuk på lekamen, skriv testamente i Nidaros.¹⁹⁸⁶ Han er omtalt som død i eit brev frå erkebiskop Aslak Bolt den 4. april 1436.¹⁹⁸⁷

SAK 615: 13. september 1446, Bergen: Bygselbrev utferda av meister Olav Trondsson og herr Botolv Bendiktsson, kannikar i Trondheim, og herr Asleiv Guttormsson, prest på Avaldsnes. I fullt ombod for alle kannikane i Trondheim og for hustru **Randi**, enkje etter **Guttorm Jonsson**, har dei bygsla til Bård Eiriksson Bergsbadstova i Bergen, for halv leige i seks år, mot at han skal gjera den leigefør i den tida, og sidan betala full leige.¹⁹⁸⁸

Hustru **Randi** er elles kjent frå eit brev dagsett Bergen den 24. september 1462 då ein Hans Rørenberg vedgår at han har oppebore 100 lette gylden i gull av biskop Finnboge i Bergen, som den avlidne herr Asleiv, kannik i Bergen, var skuldig til han og nokre andre kjøpmenn på Bryggen. For dette overdrog mor til Asleiv, hustru Randi, og hennar ombodsmann, den jorda som heiter Hanestad på Toten i Hamar bispedøme, til biskopen.¹⁹⁸⁹

Tavle 32. Frak.¹⁹⁹⁰



1986. *DN V*, nr. 640.

1987. *DN V*, nr. 656. Ein veit ikkje så svært mykje om slekta til Arvid, men noko kjem fram i eit par testamente. Han hadde ein bror som heitte Benkt, og som var far til minst tre born: Sigrid Benktsdotter er nemnt i testamentet frå 1430 (*DN V*, nr. 597), medan Mikkel Benktsson og Ingeborg Benktsdotter er nemnte i testamentet frå 1434 (*DN V*, nr. 640). Det er også freistande å gissa på at Amund Benktsson, som i 1431 er sagt å ha selt, og i 1436 makeskifta garden Leknes i Leka i Namdalen til erkestolen mot Pettvik i Lofoten (*DN V*, nr. 604, 656 og 657; jf. H. Bjørkvik 2002, s. 21–22), kan ha vore eit fjerde brorbarn til Arvid.

1988. *DN V*, nr. 740.

1989. *DN IX*, nr. 343.

1990. O. Sollied 1926; H. Sollied 1928, s. 222–223.

Guttorm Jonsson er nemnt rådmann i Bergen første gong i 1440, og opptreer to gonger til som rådmann i 1441.¹⁹⁹¹ Han må vera død ein gong mellom 1441 og 1446, ettersom hustru **Randi** er kalla enkje i brevet her. Rimelegvis er han også identisk med den Guttorm Jonsson som i 1425 opptreer som ombodsmann for Magnus Magnusson i Giske.¹⁹⁹² Det høver godt med væpnarstatusen at han står i eit slikt samband til mektigare menn.



SAK 616: 1. august 1487, Bergen: Vitnebrev frå biskop Hans [Teiste] i Bergen. Heiderleg kvinne hustru **Ingeborg** førte to vitner for biskopen, nemleg herr Morten Kaspersson, sokneprest i Kvinnherad, og beskjedeleg kvinne Gunnhild Trondsdotter, som bar vitne om at heiderleg kvinne hustru **Randi**, som var hustru Ingeborgs morsøster, oppebar halve renta av Bergsbadstova på hustru Ingeborgs vegne medan ho var på Færøyane, og at det er hennar rette arv og odel.¹⁹⁹³

Figur 140. Seglet til Guttorm Jonsson frå 1441 (*DN V*, nr. 703). Teikning i NRA, KA. Ein skimtar konturane av eit skjold, noko som viser at det må ha vore eit våpenmerke i seglet.

Hustru **Ingeborg Eiriksdotter** er berre kjend frå denne og den følgjande saka, og ein veit inkje om slekta hennar ut over det som kjem fram her. Ho var gift med væpnaren Peder Frak, som er hand-sama nedanfor. I denne saka kjem det fram at ho har vore på Færøyane over ei viss tid, men kvifor ho oppheldt seg der er uvisst. Ei rimeleg gissing kan likevel vera at mannen hennar kan ha vore systemmann eller fut på Færøyane i nokre år, utan at eit slikt ombod er kjent frå kjeldene.


SAK 617: 28. september 1488, Bergen: Salsbrev frå **Peder Frak**. På vegne av si hustru **Ingeborg Eiriksdotter** og hennar arvingar, har han selt til meister Gunnar, kannik i Trondheim, på vegne av domkapitlet i Trondheim, halve Bergsbadstova i Bergen som ligg ovanfor Hallvardskyrkja, og fått full betaling.¹⁹⁹⁴

1991. *DN IV*, nr. 879 (1440); *DN V*, nr. 703 (1441); *NgL2 I*, nr. 390, s. 685–686 (1441).

1992. *DN I*, nr. 705.

1993. *DN II*, nr. 938.

1994. *DN V* nr. 936.



Figur 141. Segla til brørne Erlend (t. v.) og Peder Andressoner Frak frå 1488 (*DN* V, nr. 936). Teikningar i NRA, KA. Seglet til Erlend inneheld eit skjold med eit utydeleg merke, medan Peder berre har eit bumerke i seglet sitt trass i at han var væpnar.

nemnt rådmann i Bergen frå 1476, og lagmann frå 1489 til 1505. Truleg er dei som opptrer i Luster i Sogn i byrjinga av 1600-talet med tilnamnet Frak, etterkomarar etter Peder Frak og hustru Ingeborg Eiriksdotter.¹⁹⁹⁵ På same måten er truleg garden Frakstun i Luster (no Dalsøyri, Luster 43), eit namn som forsvinn ut av bruk på 1600-talet, ein indikasjon på at denne ætta hadde tilknytning til Luster.¹⁹⁹⁶

Peder Frak er heller ikkje kjent frå andre kjelder enn denne saka. Han må ha vore væpnar på bakgrunn av hustrutittelen til kona si, og kan henda var han syslemann på Færøyane ei tid, slik eg har nemnt ovanfor.

Han var bror til Erlend Andersson Frak, som er

1995. H. Sollied 1928, s. 222–223; jf. G. Solberg 1975, s. 192.

1996. Jf. Laberg 1926a, s. 406–407.

4.48 Soop


Slekta Soop er nemnt alt av Absalon Pedersson som ei av dei gamle adelsættene i Sogn.¹⁹⁹⁷ Slekta er best handsama av Henning Sollied i eit par artiklar i *Norsk slektshistorisk tidskrift*,¹⁹⁹⁸ men også den lokallistoriske litteraturen er rik på stoff om ætta.¹⁹⁹⁹

SAK 618: 21. juni 1409: Vitnebrev frå Helge Bårdsson, Aslak Sigvatsson og Einar Sigurdsson. Dei var til stades då **Torgils Eiriksson** lyste at han hadde selt 2 mmb i Ormsjorda i Øyo (Aur 16) i Rygg kyrkjesokn i Aurland til **Eiliv Arnfinnsson**, og fått full betaling.²⁰⁰⁰

Korkje **Torgils Eiriksson** eller **Eiliv Arnfinnsson** opptre i andre kjelder, og let seg dermed ikkje sikkert identifisera nærare. Helge Stenseth reknar likevel med at Eiliv Arnfinnsson er farfar til den krinsen av brør som opptre kring 1480 (sjå nedanfor).²⁰⁰¹ Dette kan vera ei rimeleg gissing, men ut over namnelikskap og geografisk plassering finnest det ikkje noko prov for dette. Det er likevel sannsynleg med eit samband mellom Eiliv Arnfinnsson her, og den Hallvard Eilivsson som kjøper jord i Øyo i 1498 (sjå sak 621 nedanfor).

SAK 619: 25. januar(?) 1476: Pantebrev frå **Torkjell Arnfinnsson**. Han har sett i pant til brorsonen sin, **Arnfinn Eilivsson**, 5 mmb i Frakstun (Lus 43) i Dale skipreide for 18 kyrlag, som han hadde lagt ut for sønene til Torkjell i tegn og fredkjøp. Brevet er medsegla av Hallvard Gjerdsson og Torstein Arnfinnsson.²⁰⁰²

Korkje **Torkjell Arnfinnsson** eller **Arnfinn Eilivsson** er kjende frå andre kjelder enn denne eine. Det faktum at Torstein Arnfinnsson er medseglar ved denne transaksjonen kan likevel indikera at han er bror til Torkjell, trass i at seglmerka deira er ulike. Også det at Hallvard Gjerdsson, som i 1480 er nemnt fut i Sogn, medseglar dette brevet, er ein indikasjon på at denne slektskrinsen må reknast til det lågare sjiktet av aristokratiet.



Figur 142. Seglet til Torkjell Arnfinnsson frå 1476 (DN IV, nr. 981). Teikning i NRA, KA.

1997. Abs., *Om Norgis Rige*, s. 70.

1998. H. Sollied 1928, s. 201–216, og 1930b, s. 167.


1999. Såleis t. d. Tang 1950, s. 36; Ohnstad 1962, s. 177–179; Ohnstad 1983; Stenseth 1997.

2000. DN IV, nr. 776.

2001. Stenseth 1997, s. 59.

2002. DN IV, nr. 981.

SAK 620: Kyrkjemesse 1480, Kaupanger: Vitnebrev frå Hallvard Gjerdsson, fut i Sogn, Hans Jute, Botolv Eindridesson, Andres Jensson, Hans Sigurdsson, Ingebrigt Toresson, Torstein Einarsson, Nikolas Einarsson, Einar Filippusson, Eindride Filippusson, Asgaut Toresson, Sigurd Ottesson, Hallvard Amundsson og Hallvard Sigurdsson, lagrettemenn i Sogn. Dei var til stades då det vart gjort forlik om arven etter avdøde **Torstein Arnfinnsson**, mellom **Sigrid Bårdsdotter** på den eine sida, og **Andres Arnfinnsson**, **Sigurd Jonsson** og **Mikkel Olavsson** på den andre sida, slik at dei skulle ha det dei hadde krav på etter lova, medan Sigrid Bårdsdotter skulle ha så mykje jord som Torstein Arnfinnsson åtte i Ølnes (Sog 7) og i Lærdal.²⁰⁰³



Figur 143. Seglet til Torstein Arnfinnsson frå 1476 (*DN IV*, nr. 981). Teikning i NRA, KA.

Den rimelegaste tolkinga av slektssamanhengen i brevet, er at den avdøde **Torstein Arnfinnsson** var gift med **Sigrid Bårdsdotter** i eit barnlaust ekteskap, og **Andres Arnfinnsson** var bror hans, samt at **Sigurd Jonsson** og **Mikkel Olavsson** var gift med kvar si søster.²⁰⁰⁴ Torstein Arnfinnsson er etter alt å døma identisk med den Torstein Arnfinnsson som medseglar brevet frå 1476 ovanfor. Her har ein truleg opplysningar om to brør til i denne slektskrinsen. Andres Arnfinnsson ser også ut til å ha ått Gudbrandsgard i Ål i Hallingdal, då han må vera identisk med den avdøde mannen til Sunniva Torgilsdotter som er nemnt i to brev frå høvesvis 1510 og 1511, i det sistnemnte brevet vert han jamvel kalla **Andres Soop** («Anders Sop (...) boendes j Sogn»).²⁰⁰⁵ Den 26. november 1510 kunngjorde seks menn at dei var tilnemnte av Eivind Guttormsson og Gudrun Bjørnsdotter for å høyra prov. Gudrun Bjørnsdotter lét då lesa dei breva som ho gjorde krav på Gudbrandsgard med, men som hadde følgd Sunniva Torgilsdotter etter at Andres Arnfinnsson døydde. Garden vart overdrege til Gudrun Bjørnsdotter frå Eivind Guttormsson på vegne av Sunniva Torgilsdotter og borna hennar.²⁰⁰⁶ At Sunniva Torgilsdotter var gift med Andres Arnfinnsson vert sagt rett ut i brevet frå 1511.²⁰⁰⁷ Det er vanskeleg å tolka desse breva annleis enn at Gudrun på eitt eller anna vis har hatt arve- eller odelskrav på Gudbrandsgard, og dermed har vore relativt nært i slekt med Andres Arnfinnsson. At godset kom frå han er heilt klårt, men det ser samstundes ut til at Sunniva har barn med han, så det må finnast ein grunn til at ikkje dei får godset. Ei

2003. *DN XXIII*, nr. [107].

2004. Jf. H. Sollied 1931, s. 122–123.


2005. *DN VI*, nr. 653 og 654. Jf. H. Sollied 1930.

2006. *DN VI*, nr. 653.

2007. *DN VI*, nr. 654.

mogleg løysing er at mor til Gudrun var gift med Andres i sitt andre ekteskap, og hadde med seg godset, og etter at ho døydde vart Andres gift på ny med Sunniva, som så har site i uskifte med godset etter Andres døydde. Dette vert likevel ikkje anna enn ei laus hypotese – rett nok med den føremona at det gjev ei enkel forklåring. Eg set inn ein tavle nedanfor, som viser korleis slektstilhøva kan ha vore, men det er mykje uvisst i samband med desse.

Tavle 33. Soop.



Andres Arnfinnsson og Sunniva Torgilsdotter er kan henda foreldre til den Arnfinn Soop i Aurland skipreide som i 1522 er mellom dei største skattytarane i Sogn i tiendepengeskatten dette året, men eg er uvisst på om Sollied har rett i at han er identisk med Arnfinn på Undredal i den same skatteleista.²⁰⁰⁸

SAK 621: 6. desember 1498, [Aurland]: Vitnebrev frå Hallvard Sjurdsen og Olav Eiriksson, lagrettemenn i Sogn. Dei var til stades då **Bård Sjurdsen** selde ½ mmb jord i ytre garden i «Spors iordhen» i Øyo (Aur 16) ovanfor vatnet i Rygg kyrkjesokn i Aurland prestegjeld til **Hallvard Eilivsson**, for 1 kvige, ½ laup smør og i skøytingsøre 4 mæler korn og 1 bukkeskinn.²⁰⁰⁹

Bård Sjurdsen kan vera ein mogleg son av Sigurd Jonsson frå førre sak, men noko meir enn ei gissing vert det ikkje. **Hallvard Eilivsson** kan på si side tenkjast å vera ein bror av Arnfinn Eilivsson som er nemnt ovanfor. Ingen av desse to har eg lukkast i å finna ytterlegare informasjon om.

2008. *NRJ* III, s. 402–403; H. Sollied 1930, s. 167, note 1. Namnet Arnfinn er slett ikkje så uvanleg i Sogn på 1500-talet, at ein kan utelukka at det har vore to brukarar i Undredal med dette namnet, ikkje minst dersom namnet var vanleg hjå den mest framstående slekta i Aurland. Jf. E. Pettersen 1981 og Ugulen 2004c.

2009. *DN* VIII, nr. 442.

4.49 Måge i Ullensvang og arven etter Orm Isaksson

Folket på Måge i mellomalderen har også vore drøfta mykje i den lokalhistoriske litteraturen i Hardanger, utan at det har lukkast å greia ut dei slektshistoriske spørsmåla som vert stilte.²⁰¹⁰ Desse spørsmåla er ikkje sentrale punkt i denne avhandlinga, men det må likevel nemnast at Orm Ivarsson, stamfar til slekta på Lydvo på Voss i siste del av 1400-talet (sjå tavle 14 på s. 294) etter alt å døma er ein son av Ivar Vikingsson (sjå s. 485). Heile denne slektskrinsen kring Orm Isaksson kan plasserast i det lågare sjiktet i aristokratiet. Derimot kan eg ikkje sjå noko umiddelbart slektsamband frå dei som opptrer i sakene 622–624, til Orm Isaksson og dei som sit med arven hans.

SAK 622: 10. september 1347, Måge i Ullensvang: Vitnebrev frå Amund Arnbjørnsson, Ivar Torgilsson, Erling Askjellsson og Sigfus Halleson. Dei var til stades då sira Hallvard Helgeson, prest ved Ullensvang kyrkje, og **Salomon Sigurdsson** gjorde følgjande avtale: Salomon gav til prestebolet 2 mmb i Årtunet i Jordal (Ull 22) i Odda sokn i Hardanger, på villkår at presten der alltid skal halda årtid for far hans, mor hans, og brørne hans Aslak og Orm.²⁰¹¹

Salomon Sigurdsson er berre kjent frå dette eine brevet, men på bakgrunn av namnebruken i slekta, reknar Olav Kolltveit med at han må tilhøyra slekta på Måge.²⁰¹² Sjølv meiner eg dette vert for tynn argumentasjon i høve til å identifisera han sosialt.

SAK 623: 5. august 1371, Kinsarvik i Ullensvang: Salsbrev frå **Eiliv Brynjulvsson** (sjå s. 240). Han har selt til **Sigurd Ormsson** 10 mmb i Lofthus (Ull 73) i Ullensvang sokn i Hardanger, med unntak for grasgarden, for 44 kyrlag. Av dette har han motteke 31 kyrlag i varer, og det resterande skal betalast innan førstkomande jonsok.²⁰¹³

27. juni 1380, Lofthus i Ullensvang: Vitnebrev frå Kolbein Torsteinsson, Jon Toresson og Tore Andorsson. Dei var til stades då **Brynjulv Eilivsson** (sjå s. 254) vedgjekk å ha fått frå **Sigurd Ormsson** dei 13 kyrlag som stod att på betalinga frå Sigurd til [Brynjulvs far] **Eiliv** (sjå s. 240) [for Lofthus (Ull 73)]. Brynjulv vedgjekk også å ha selt til Sigurd frukthagen på Lofthus for 8 kyrlag, og fått full betaling.²⁰¹⁴

[12. juni 1429], Opedal i Ullensvang: Kunngjering frå to lagrettemenn i Hardanger. Dei var på

2010. Velde 1957, s. 323–325; Kolltveit 1963, s. 299–302; Handegård 2004, kap. 9.

2011. DN XII, nr. 97; RN V nr. 985.

2012. Kolltveit 1963, s. 299–300.

2013. DN XIII, nr. 33, og XV, nr. 26 (etter vidisse frå 1424); RN VII, nr. 155.

2014. DN XV, nr. 30; RN VII, nr. 877. Trykt etter vidisse i DN XV, trykt etter original i DN XXIII, nr. [50].

Ullensvang 12. juni 1429 då Peter Toresson og Eindride Torkjellsson ved handslag vedgjekk for Simon Viglaugsson om at det no var 58 vintrar sidan (omlag 1371) **Sigurd Ormsson** (sjå s. 483) kjøpte Lofthus (Ull 73).²⁰¹⁵

Sigurd Ormsson er nemnt første gong i 1363 då han saman med Hogne Ormsson, som vel er broren, handtokst med Tore Sigurdsson og lova han å vitna at dei ikkje visste av nærare skyldfolk etter Kolbein, brorson til Olav [p]us i Hardanger, enn Tore Sigurdsson.²⁰¹⁶ Ut over det opptrer Sigurd Ormsson berre i denne saka, og det er Simon Viglaugsson (sjå s. 450) som ser ut til å vera den som må vera hovudarvingen hans, eller i det minste opptrer på vegne av arvingen. Kvifor Simon elles skulle ta vitneprov om odelsretten til Lofthus, vert i tilfelle vanskeleg å forklåra. Eg vil plassera Sigurd Ormsson i den lokale eliten i Hardanger på bakgrunn av sambandet til Simon Viglaugsson.

SAK 624: [29. juli 1381–28. juli 1382]: Salsbrev frå **Hogne Ormsson** («Orflson»). Han har selt 2 ½ mmb i Væte (Voss 10) i «Litalathe» i Vangen sokn på Voss til **Sigurd Erlingsson**, for 2 ½ kyrlag og fått full betaling. Sigurd eig jorda etter laupårsmesse (24. februar). Brevet er besegla av utferdaren og sonen hans, Orm.²⁰¹⁷

Hogne Ormsson opptrer første gong i 1363 saman med Sigurd Ormsson, som etter alt å døma må vera bror hans. Ut over det som kjem fram her, har eg ikkje lukkast å finna ytterlegare opplysningar om han. Han må reknast til det same sosiale sjiktet som broren.

Sigurd Erlingsson har eg ikkje funne meir informasjon om, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 625: 4. april 1412, Bergen: Gåve- og stadfestingsbrev frå **Orm Isaksson**. Han har alt tidlegare gjeve, men gjev no særskilt i sitt testamente dei beste par husa i Arnegard med tilhøyrande tomt til Munkeliv kloster, på det villkår at abbeden skal halda gravferda og årtida hans.²⁰¹⁸

Orm Isaksson er nemnt første gong i 1403, og er då rådmann i Bergen. Han er framleis rådmann i 1410.²⁰¹⁹ Han må dermed reknast til aristokratiet. Rimelegvis er han død ikkje lenge etter at han testamenterer husa i Arnegard til Munkeliv. Arvingen hans må ha vore Aslak Sigurdsson åleine, og ikkje saman med Viking Ormsson, slik osgå brevet frå 1426/1430 nedanfor viser. Viking Ormsson

2015. *DN XXI*, nr. 313.

2016. *DN III*, nr. 333; *RN VI*, nr. 954.


2017. *DN XXI*, nr. 166; *RN VII*, nr. 1029.

2018. *DN XII*, nr. 149.

2019. *DN XII*, nr. 138 (1403) og 148 (1410). Jf. G. Solberg 1975, s. 163–164.

fekk halve arven i ombodsløn frå Aslak Sigurdsson, og gåva var samtykt i av døtrene til Aslak. Eg har sett inn ei tavle nedanfor som viser slektssamanhengane.

Tavle 34. Orm Isaksson og arven etter han



SAK 626: 1414, [Måge i Ullensvang?]: Vitnebrev om at Aslak Aslaksson og Gudrid Eilivsdatter gav **Viking Ormsson** stadfesting ved eid om at **Sigrid Aslaksdatter** hadde gjort avtale med Viking om å halda sin fars kontrakt med Viking om arven etter **Orm Isaksson**.²⁰²⁰

10. oktober 1415, Måge i Ullensvang: Vitnebrev frå Tormod Åmundesson og Simon Eiriksson. Dei var til stades då **Viking Ormsson** og **Aslak Sigurdsson** vart forlikte om arven etter **Orm Isaksson** med dei skilord at Viking eller arvingane hans skal ha («ganga til skiptis») alle dei jordene som var etter Orm Isaksson utanfor («vttan ab») Straumasteinen «æftir Aslaks dagha þeim sem Aslacr hafde flere æn Vikinger heuer jnnan att». Viking skal også eiga så mykje i Li (Vikøy 20) i Vikøy kyrkjesokn som Orm Isaksson åtte meir enn ½ mannsverk.²⁰²¹

Viking Ormsson er berre kjent frå desse dokumenta kring arven etter Orm Isaksson. Han kan moglegvis vera ein son av den Orm Vagleiksson som i 1410 utferdar eit brev på Måge, og som då er sagt å vera over 60 år gammal (sjå sak 117). Det er rimeleg å rekna han til det lågare sjiktet av aristokratiet, ikkje minst ettersom sonesonen på Lydvo vert gift inn i Torsnes-ætta.

2020. DN XXI, nr. 269.

2021. DN IV, nr. 800.

Korkje **Aslak Sigurdsson** eller dottera **Sigrid Aslaksdotter** er kjende frå andre kjelder enn dei som er refererte i samband med arven etter Orm Isaksson. Det er likevel rimeleg å rekna dei til det same sosiale sjiktet som rådmannen.

SAK 627: [21. juni 1426–23. juni 1430], [Bergen]: Domsbrev frå Torbjørn Herbjørnsson, Gulatings og Bergens lagmann. Kom for han og heile lagretten **Ivar Vikingsson**, i fullt og lovleg ombod for mor si **Holmfrid Pálsdotter** og brørne sine **Salmund** og **Brynjulv Vikingssøner**, på den eine sida, og **Eiliv Tormodsson** i ombod for kona si **Gjertrud Hedinsdotter** på den andre. Eiliv kjærte på Ivar Vikingsson om arven etter Orm Isaksson, som **Aslak Sigurdsson**, morfar til Gjertrud, hadde gjeve helvta av til **Viking Ormsson** i ombodsløn («som aslakar sigurdar son (...) hafde gefueth vikinge orms syni j vmbodz løn halfuan arfuen»). Ivar viste då fram eit brev, sidan samanhefta med domsbrevet, som viste at **Torgunna Aslaksdotter**, mor til Gjertrud, hadde samtykt i sin fars gåve. Dette hadde også **Hedin Sveinsson**, Torgunnas mann, samtykt i. Lagmannen og lagretten dømte då gáva lovleg.²⁰²²

Ivar Vikingsson er nemnt første gong i denne saka, og opptretr også i den følgjande saka saman med brørne sine, **Salmund Vikingsson** og **Brynjulv Vikingsson**. Korkje Salmund eller Viking har eg funne att i andre kjelder, men det er rimelegvis etterkomarane deira som sit på Måge på 1500-talet. Ivar Vikingsson opptretr derimot i 1438 som lagrettemann på Voss, der han er nemnt først av dei tre mennene, framfor mellom anna Askjell Torsteinsson (sjå s. 266), som utferdar eit vitnebrev om nokre av disposisjonane til Håvard Botolvsson på Finne (sjå sak 357). Frå dette



Figur 144. Seglet til Ivar Vikingsson frå 1438 (*DN I*, nr. 763). Teikning i NRA, KA.

brevet har vi også overlevert seglet hans, som inneheld eit bumerke. Også han og brørne hans må reknast til det lågare sjiktet av aristokratiet, men Ivar må ikkje forvekslast med kanslaren av same namn frå noko seinare i århundret.²⁰²³

Holmfrid (eller Hallfrid)²⁰²⁴ **Pálsdotter** er heller ikkje omtalt i andre kjelder enn denne. Det same gjeld for **Eiliv Tormodsson**, **Gjertrud Hedinsdotter**, **Torgunna Aslaksdotter** og **Hedin**

2022. *DN XXI*, nr. 317.

2023. Jf. Koht 1934b.

2024. Sjå Kleppe 1959, note 205 på s. 168–169; jf. Steinnes 1957, s. 16.

Sveinsson. Den sistnemnte har eit namn som er svært sjeldsynt på Vestlandet.²⁰²⁵ Alle desse må likevel reknast til det same sosiale sjiktet som resten av familien.



Kart 7. Kart som viser plasseringa av jordpartane i skiftet på Måge frå 1436.

SAK 628: 9. april 1436, Måge i Ullensvang: Vitnebrev frå Svein Bjørnsson, kannik i Bergen, Trond Pålsson og Eindridesson, lagrettemenn. Dei var til stades då brørne **Ivar, Salmund og Brynjulv Vikingssøner** skifta jordegodset mellom seg. Ivar Vikingsson fekk 8 mmb i Skjelde (Voss 245) i Vangen sokn på Voss og Lindvik (Ull 48) i Ullensvang sokn, 3 ½ mmb i Rogdo (Ull 62) i Ullensvang, 2 ½ mmb i Skeie (Vikøy 21) i Vikøy sokn, samt ein oppsetjingsteig i Furnes (Ull 38) i Odda sokn. Salmund Vikingsson fekk først halve tunet som far deira, Viking, åtte i Måge (Ull 47) og i indre Kvitno (Ull 39) i Odda sokn. Brynjulv Vikingsson fekk andre halvta, jamt med Salmund, av det som far deira, Viking, åtte i Måge, og halve ytre Kvitno (Ull 39) i Ullensvang sokn, samt Ås (Ull 40) i Odda sokn.²⁰²⁶

Alle desse tre er handsama ovanfor.

2025. Jf. E. H. Lind 1905–1915, sp. 499–502.

2026. DNI nr. 753.

4.50 Jogrim Audunsson og Holte Toresson

SAK 629: 18. oktober 1419, Lærdal: Salsbrev frå biskop Aslak [Bolt] i Bergen. Han vedgår å ha selt til ærleg mann **Jogrim Audunsson**, si jord i Solvorn i Sogn, som sira **Henrik**, tidlegare prest i Hafslo, gav til biskopen med åkereteigar, hus og alt anna.²⁰²⁷

Jogrim Audunsson er nemnt første gong i denne saka. I 1421 medseglar han eit salsbrev i Sogndal i Sogn,²⁰²⁸ og i 1422 er han medutferdar av to vitnebrev i Valdres, og begge gongene er han nemnt først av dei som utferdar.²⁰²⁹ På Semelenge i Valdres i 1424 utferdar Audun Rolvsson, Jogrim Audunsson, Fartegn Filippusson og ein mann til eit vitnebrev om jordsal i Valdres.²⁰³⁰ Ettersom Fartegn Filippusson er versonen til Jogrim, fekk dette Asgaut Steinnes til å rekna med at Audun Rolvsson kunne vera far hans.²⁰³¹ I 1427 er han nemnt «beskedeliga manna» då han medseglar eit gjeldsbrev i Bergen,²⁰³² og i eit brev frå 1431 kjem det fram at han må ha vore gulatingslagmann, då det er omtalt ei «lagmansens orskurd Joghrim Oudhunsons».²⁰³³ Dette er også siste gong er har funne han omtalt i kjeldene. Tilknytninga til aristokratiet er tvillaus.



Figur 145. Seglet til Jogrim Audunsson frå 1427 (DN III, nr. 688). Teikning i NRA, KA.

Sira **Henrik** har eg ikkje funne meir informasjon om.

SAK 630: 7. januar 1451, Kvål i Valdres: Vitnebrev frå sira Nikolas Jonsson, prest på Vang i Valdres, Anund Bjørnsson og Brand Kolsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Fartegn Filippusson** og **Magnhild Jogrimsdotter**, hustrua hans, lyste for dei at dei kvitterte Torkjell Torkjellsson for den arven han hadde teke til seg på vegne av hustru **Gjertrud Audunsdotter**.²⁰³⁴

Fartegn Filippusson er tvillaust identisk med han som er nemnt i brevet frå 1424 ovanfor, og må vera versonen til Jogrim Audunsson ettersom han er gift med **Magnhild Jogrimsdotter**. Ut over

2027. DN II, nr. 652.

2028. DN V, nr. 542.

2029. DN I, nr. 681; DN II, nr. 667.

2030. DN II, nr. 678.

2031. Steinnes 1942, s. 306.

2032. DN III, nr. 688. Han er rett nok kalla «Jogrim Andersson» i den trykte brevtteksten, men det kan knapt vera tale om andre.


2033. DN II, nr. 706.

2034. DN II, nr. 791.

desse to breva er han berre nemnt i eit brev frå 1415, der han opptretr saman med ein Filippus Fartegnsson, som truleg er far hans.²⁰³⁵

Hustru **Gjertrud Audunsdotter** er berre kjent frå dette eine brevet, men må rimelegvis vera ei søster av Jogrim Audunsson. Hustrutittelen hjå henne vitnar om at ho må ha vore gift med ein væpnar.

Tavle 35. Jogrim Audunsson, Holte Toresson og Fartegn Filippusson.²⁰³⁶



stor etterslekt, sjå t. d. H. Sollied og P. Sollied 1927, og Steinnes 1942

SAK 631: 24. juni 1452, Nornes i Sogndal: Vitnebrev frå Englike Jensson, kongens hirdmann, Tomas Eindridesson, Finn Håreksson og Einar Olavsson, lagrettemenn i Sogn. Dei var på Nes i Norum då **Holte Toresson**, rådmann i Bergen, pantsatte til hustru **Gudrun Jonsdotter** 18 laupsbol i Oma (Strb 38–39) i Strandebarm kyrkjesokn i Sunnhordland, inntil han eller arvingane hans løyser inn jorda igjen. Til stades var også arvingane hans: sonen **Tore Holtesson**, dottera **Gudrid Holtesdotter**, og mågen hans **Svein Torgilsson**.²⁰³⁷

18. januar 1478, [Bergen?]: Vitnebrev frå Torstein Øysteinsson, Gaute Jørundsson, Hallstein Kolbjørnsson og Aslak Arnfinnsson, lagrettemenn i Sunnhordland. Dei vitnar at avlidne **Holte Toresson** eigde påkjærelaust i den garden som heiter «Skieldan» og ligg ved bryggja i Mariakyrkjias sokn i Bergen i meir enn 60 år, og at han arva den etter far sin.²⁰³⁸

2035. DN XII, nr. 159. Jf. Steinnes 1942, s. 305–306.

2036. Jf. H. Sollied og P. Sollied 1927; Steinnes 1942; Handegård 2004, kap. 1.

2037. DN IV, nr. 928.

2038. DN XXIII, nr. [106]. B. Lorentzen 1951, s. 112, meiner dette må vera garden Schulten som låg på Bryggen. Jf. G. Solberg 1975, s. 185–186.

Holte Toresson er nemnt første gong i 1429 då han selde 5 mmb i Viknes i Ulvik til Grim Ogmundsson (sjå sak 128). I 1430 er han sagt å bu på Revna i Strandvik då han er sagt å skulda Arvid Ingjeldsson for eit skip.²⁰³⁹ Han må vera død før 1478. Ut over dette kan eg ikkje sjå at han er nemnt i andre kjelder enn dei som er omtalte her.²⁰⁴⁰ Sonen Tore Holtesson er berre kjent frå dette brevet, og det same gjeld dottera Gudrid som etter alt å døma må ha vore gift med Svein Torgilsson som her er kalla mågen hans, og som var son av Torgils Sveinsson Rustung (sjå s. 454) og far til Eindride Sveinsson Rustung (sjå s. 455).

Hustru **Gudrun Jonsdotter** har eg ikkje funne meir om, men at også ho må reknast til aristokratiet, viser hustrutittelen hennar.

2039. *DN V*, nr. 597; jf. O. Sollied 1926, s. 54.

2040. Samt også ættleggen i KB, Thott 1279 fol., sjå H. Sollied og P. Sollied 1927, s. 15–16.

4.51 Rike-Torstein

Den såkalla Rike-Torstein har av mange vorte kopla til Voss, og vore rekna for ein son av Askjell Torsteinsson (sjå s. 266). Olaf Olafsen og Lars Kindem koplar han til garden Bjørko på Voss, men dette er seinare tilbakevist av Asgaut Steinnes. I det heile er det ikkje noko i jordegodset til den såkalla Rike-Torstein som tyder på at han var son av Askjell Torsteinsson, eller for den saks skuld son av nokon på Voss i det heile.²⁰⁴¹ Det er ikkje noko som helst i kjeldene som knyter han til Voss.

SAK 632: I ei yngre påskrift i ein bolk om Sunnhordland i Aslak Bolts jordebok er det skrive følgjande: «[...] i Hardanger som vi erkebiskop Gaute kjøpte av **Torstein Eskilsson** [...], bygsla for 12 laupar, [...] som ligg i [...]», samt «[...] kjøpte vi no i året 1509 av Torstein Eskilsson, og gav oss brev på det godset for den pengesummen som han skulda oss, slik [brevet] viser. Land-skylda skal han behalda [...] åreb».²⁰⁴²

Det er svært lite ein veit om Rike-Torstein, eller **Torstein Eskilsson/Askjellsson** som han heitte. Han må ha tilhøyrt aristokratiet, ettersom dottera hans, Inga Torsteinsdotter, hadde hustrutittel og var gift med væpnaren Sjur Matsson på Talgje i Ryfylke.²⁰⁴³ Det vi veit om jordeigedomane hans er også lite. Det er i 1521 nemnt ein Rike-Torsteins gard på Strandsida i Bergen,²⁰⁴⁴ noko som viser at han må hatt byeigedom. Det mest interessante er likevel eit brev frå 1516, der han sjølv ber kong Christian 2. om å setja ned ein domstol om arven etter ein Svein Arnesson, ein arv som både kong Christian 1. (1450–1483) og kong Hans (1483–1513) hadde tildømt han, men som vart fråhalde han både sønnafjells og nordafjells. Han er då ein gammal mann sjølv, og ber om å få dekanen Olav Engelbrektsson til ombodsmann.²⁰⁴⁵ Mor til Torstein veit vi heitte Ragna Berdorsdotter, og delar av jordegodset han gjorde krav på, det såkalla Mjelvagodset, låg i Romsdalen, medan andre partar låg i Sunnhordland og Hardanger. Svein Arnesson, som var arvelataren, må etter alt å døma vera identisk med første ektemannen til Kristina Toraldsdotter (sjå s. 390), dotter av riddaren Toralde Sigurdsson og Adalis Erlingsdotter. Det var ut over 1500-talet ein heil del strid om jordegodset etter Torstein Eskilsson, men det fell utanfor tidsspennet som vert dekka i denne avhandlinga.²⁰⁴⁶

2041. Kindem 1936, s. 485–487. Opplysningane der byggjer på artiklar av sokneprest Olaf Olafsen i *HT* frå 1908 og 1925, og tidsskriftet *Hardanger* i 1925/1926 og 1928, jf. Steinnes 1962a, s. 199 og andre stader.

2042. *ABJ*, s. 181.

2043. Steinnes 1962a, s. 201.

2044. *NRJ* II, s. 630.

2045. *DN* II, nr. 1055.

2046. Sjå særskilt Steinnes 1962a for ei utgreiing om dette, men jf. Handegård 2004, kap. 15.

4.52 Krummedike

SAK 633: 16. mai 1443, Brunla: Vitnebrev frå Ivar Flemming av våpen, Peter Olavsson, Claus «Bærinson», borgarmeister i Tunsberg, og Torbjørn Glødersson. Dei var på Brunla då herr **Hartvig Krummedike** handtokst med **Greip Amundsson**, om at Greip pantsette sine jorder Myklebust (Kvi 123) i Uskedalen i Sunnhordland og Sæd (Eidfj 28) i Eidfjord i Hardanger til herr Hartvig Krummedike for 120 mark i bøter for det brotsverket han gjorde i hustru Sigrids len. Herr Hartvig skal ha jordene frelst og fritt inntil Greip Amundsson eller hans arvingar eller næraste odelsmenn innløyser dei att for 120 mark.²⁰⁴⁷

Hartvig Krummedike vart truleg fødd i Sønderjylland kring 1400, og han døydde i 1476 eller 1477. Han var riddar og norsk riksråd, høvedsmann på Akershus frå 1445 til 1458 og igjen frå 1461 til han døydde. Frå 1453 til 1458 var han også norsk rikshovmeister. Gjennom sitt første ekteskap, med Katarina Bukk, dotter av Markvard Bukk og Sigrid Nikolasdotter Galle, fekk han hand om store jordeigedomar i Noreg, der det viktigaste truleg var Brunlagodset. Men det følgte også med ein heil del jordeigedom på Vestlandet, mellom anna i Hardanger og Sogn, som må ha kome som arv frå Erling Einarsson i Hildugard (sjå s. 389 og utetter). Sjølv om Katarina Bukk og barna i dette ekteskapet døydde, fekk Hartvig tydeleg behalda jordegodset som kom med dette ekteskapet, og det gjekk sidan i arv til sonen Henrik Krummedike (sjå nedanfor) frå ekteskapet med Karen Hak.²⁰⁴⁸



Figur 146. Seglet til Hartvig Krummedike frå 1455 (*NgL2* II, nr. 62 og 63). Teikning i NRA, KA.

Jordeboka til Hartvig Krummedike er bevart til våre dagar som den einaste jordeboka frå mellomalderen som har tilhøyrt ein verdsleg jordeigar. Oversynet over eigedomane på Vestlandet viser at han åtte jord i Sunnfjord, Sogn, Nordhordland og Hardanger, forutan også i Ryfylke.²⁰⁴⁹ Av opplysningar om transaksjonar er det derimot lite å finna i jordeboka. Den einaste opplysninga

2047. *DN* II, nr. 752.

2048. O. A. Johnsen 1938a; Benedictow 2001 og 2002a.

2049. AM 880 4to, fol. 9^v–11^r. Avskrift i Albert Kjær, «Fortegnelse over Hartvig Krummediges norske Jordegods (Cod. AM. 880, 4to),» i *Sproglige og historiske Afhandlinger viede Sophus Bugges Minde* (Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), 1908), godset på Vestlandet på s. 176–177, med kommentarar på s. 186–187.

av denne typen er at han fekk ein gard i Jondal sokn av ei **Sigrīd på Bleie**²⁰⁵⁰ som rentar 1 laup. Garden er ikkje namngjeven, men må vera identisk med garden Bakka som er nemnt like nedanfor i jordeboka, ettersom Eske Billes arvingar i 1624 og Manderup Brahe i 1661 ikkje eig i andre gardar i Jondal enn Bakka, Gunntveit og Brekke. Dei eig ikkje i Bleie slik både Kjær og Benedictow ser ut til å meina at Hartvig Krummedike gjorde.²⁰⁵¹ Jordeboka er elles delvis analysert av Ole Jørgen Benedictow,²⁰⁵² men han har i dette arbeidet ikkje lukkast å identifisera alle jordpartane tilfredsstillande og han gjer heller ikkje særskilt freistnad på å kartleggja opphavet til og utviklinga av jordegodssamlinga.

Greip Amundsson har eg ikkje lukkast i å finna ytterlegare informasjon om, men det er ikkje usannsynleg med eit samband til den Gudrun Eindridesdotter som er nemnt i eit brev frå 1433 (sjå sak 131).

SAK 634: 19. august 1446, Hardanger: Vitnebrev frå Åmund Olavsson, Arne Borgarsson, Benkt Åmundsson, Nikolas Dagsson og Torstein Greipsson, lagrettemenn. Dei var til stades då **Torkjell Finnsson** utan tvang avstod til herr **Hartvig Krummedike**, riddar, 8 mmb i Skeie (Ulv 69) og 5 mmb i Lindebrekke (Ulv 64) i Ulvik sokn i Hardanger, for dei saker og tiltale som herr Hartvig hadde til Torkjell.²⁰⁵³

Heller ikkje **Torkjell Finnsson** har det lukkast i å finna meir informasjon om, og han let seg dermed ikkje identifisera nærare.

SAK 635: [omlag 1445–1475 august]: Pantebrev frå **Torkjell** og **Hallvard** Dei har sett i pant til velborne mann herr **Hartvig Krummedike**, riddar og høvedsmann på Akershus, 10 laupsbol i «Skøruingx iordh i Ho.....dalls» skipreide i Sogn, for 24 gylden.²⁰⁵⁴

Korkje **Torkjell** eller **Hallvard** har det lukkast å identifisera nærare. Ole Jørgen Benedictow freistar å identifisera denne garden med Skjervo i Hafslø,²⁰⁵⁵ men eg trur ikkje det kan vera rett, ettersom Skjervo ligg i eit område som aldri har vore ein del av eit skipreide med namn som endar på -dal eller -dale.

2050. **Sigrīd på Bleie** har det ikkje lukkast å identifisera nærare.

2051. Benedictow 1970, s. 30.

2052. Benedictow 1970.

2053. *DN* III, nr. 791.

2054. *DN* XVIII, nr. 97.

2055. Benedictow 1970, s. 15, og note 24 på s. 86.

SAK 636: 12. mars 1497, Båhus: Salsbrev frå **Fredrik Kønig**. Han sel til velbyrdig mann, herr **Henrik Krummedike**, sin gard Skjeggen i Bergen, som han har arva etter sin bror **Albrecht Kønig**. Han vedgår også å ha fått full betaling.²⁰⁵⁶

Henrik Krummedike var son av Hartvig Krummedike og Karen Andersdatter Hak. Han var fødd kring 1463, og døydde i 1530. Han er karakterisert som den største lensherren i norsk mellomalder, og si tids største godssamlar i både Danmark og Noreg. Han var norsk og dansk riksråd, og var høvedsmann på Akerhus og Båhus festningar i tida 1487–1503. I 1493 gifta han seg med Anne Rud. Det einaste barnet deira som overlevde til vaksen alder var dottera Sofie, som arva heile det store jordegodskomplekset til faren. Ho gifta seg med Eske Bille, den seinare lensherren på Bergenhus.²⁰⁵⁷

Korkje **Fredrik** eller **Albrekt Kønig** har eg funne meir om, men dei kan sjå ut til å ha vore nordmenn, i det minste ut frå språket i salsbrevet frå Fredrik. Truleg var dei bymenn, Fredrik kan henda i Konghelle, ettersom medsegjarar til salsbrevet er forstandaren i Kastle kloster og tre rådmenn i Konghelle.

2056. DNI nr. 989.

2057. O. A. Johnsen 1938b; Benedictow 2001 og 2002b.

5 Oppsummering

5.1 Innleiing

Det kan vera nyttig å rekapitulera kva eg legg i omgrepa aristokrati og lokal elite her. **Aristokrati** er nemninga eg nyttar for dei personane som kan reknast å tilhøyra det sosiale sjiktet som kring reformasjonstida vil falla inn under termen adel, anten det no er magnatar, lågadel eller klientadel. Baronar, riddarar og væpnarar høyrer naturleg inn her, samt ein del andre personar som ikkje er nemnte med titlar eller rang, men som på andre måtar kan reknast til dette sosialsjiktet, til dømes ved bruk av våpenmerke i segla deira. **Lokal elite** er nemninga eg har valt å nytta for det sosiale sjiktet som også femner den truleg nokså store gråsona som overlappar mellom aristokratiet på den eine sida, og «bønder og bymenn» på den andre. Lagrettemennene høyrer naturleg til i denne gruppa, men samstundes er det viktig å hugsa at ein del av dei som er tilskrivne den lokale eliten gjerne hadde passa like godt i å plassera i det lågare sjiktet av aristokratiet, medan andre hadde passa betre mellom bøndene. Slik får denne gruppa delvis karakter av ein sekkekategori som kan femna «storbønder» såvel som den seinare lågadelen, dersom det då verkeleg *var* eit skilje mellom desse to.

Eit interessant tidsbilete frå Sentraleuropa på 1200-talet, som godt illustrerer den sosiale gråsona dette må ha vore også utanfor Noreg, er gjeve i eit dikt frå samlinga *Kleiner Lucidarius*, skrive av ein elles ukjend riddar i Østerrike på slutten av 1200-talet. I følgje diktet føretrekte *ministeriales* og riddarar ved herrens hoff snarare å diskutera prisen på egg, ost, grisungar og kveite (kornsorten), enn kva dei ifølgje diktaren burde vera opptekne av. Dei var særskilt interesserte i korleis dei skulle få ei ku til å produsera meir melk.¹ Inntening og profitt ser ut til å ha vore eit viktig tema for desse folka. At riddarane og *ministeriales*'ane var djupt og inderleg involverte i jordbruket er også ei slutning ein må trekkja ut av dette.

1. Haverkamp 1988, s. 301. Jf. også Bush 1988.

5.2 Jordeigarane

Det føregåande kapitlet har gjeve dei etterfølgjande resultatata for den sosiale identifikasjonen av jordeigarane i undersøkingsområdet. Tabellen som viser namna til jordeigarane og identifikasjonen av dei (argumentasjonen som ligg til grunn for identifikasjonen finnest i kap. 4) finnest som vedlegg til avhandlinga (sjå s. 645 og utetter), medan eg her presenterer oppteljingar basert på tabellen i vedlegget. Det er viktig å understreka at tala som her vert presenterte, gjeld *jordeigarane*, ikkje jordeigedom, og at dei sakene/breva som er handsama omhandlar den *private* jordeigedommen til desse personane. Kvar einskild person er talt *ein* gong, uavhengig av kor mange brev/saker vedkommande person er part i.

For dei tabellane der det også er inndelt etter tidbolck, er kvar einskild person talt under den tidbolcken vedkommande er nemnt *første gong*.² Dersom vedkommande jordeigar opptrer i kjelder som strekkjer seg over fleire periodar, er han *ikkje* talt med under den etterfølgjande perioden. Slik er dei regionale tabellane også tabellar over det totale talet på jordeigarar som er sagt å eiga jord i den aktuelle regionen. Summerer ein det totale talet på jordeigarar i tabellane 5-2 til 5-10 får ein totalt 1448 jordeigarar. Dette skil seg frå totalen på 1241 i tabell 5-11. Årsaka til dette er sjølvsagt at 207 jordeigarar eig jord i meir enn ein region innanfor undersøkingsområdet. Eg har likevel ikkje sett nokon grunn til å setja opp ein tabell over denne gruppa av interregionale jordeigarar, ettersom dei aller fleste tilhøyrer aristokratiet. Dessutan ville ein slik tabell fort ha vorte misvisande, ettersom eg ikkje har gjennomført ei systematisk registrering over eventuelle jordeigedomar *utanfor* undersøkingsområdet. Dermed er det grunn til å tru at talet på jordeigarar som åtte jord i fleire regionar var monaleg større enn 207.

Kva kan så dei tala som eg presenterer her fortelja oss? Og kva kan dei ikkje fortelja oss? Det er vanskeleg å nytta dei til å seia noko sikkert om den totale jordeigedomfordelinga i Noreg i seinmellomalderen. Men i det påfølgjande regionvise materialet som kjem nedanfor, skal eg trekkja fram ein del eksempel som i det minste bidreg til å underbyggja kritikken mot tala for jordeigedomfordelinga. Ser ein på desse tabellane heilt isolert, så fortel dei berre noko om den sosiale statusen til dei jordeigarane som vi meir eller mindre tilfeldig har overlevert kjeldemateriale om. Dermed kan ein også argumentera for at tala ikkje ein gong treng vera representative for den faktiske fordelinga av sosial status mellom jordeigarane. Det kan argumenterast for at aristokratiet truleg har etterlate seg monaleg meir kjeldemateriale enn kva den jamne «bondejordeigaren» har gjort, og at materialet

2. Tidbolcken til og med 1350 inkluderer også alle jordeigarar som er nemnte i BK.

difor kan ha ei slagside til føremon for aristokratiet. Det kan rimelegvis også vera enklare å sosialt identifisera eit medlem av aristokratiet, enn ein «bonde». Mot dette må ein stilla seg spørsmålet om korleis ein skal ha von om å seia noko som helst om den sosiale statusen til jordeigarane i undersøkingssområdet utan å gjera ei undersøking av den typen som eg har gjort her. Trass i at det tvillaust må reknast inn mange potensielle feilkjelder i materialet og materialgrunnlaget, er det førebels det beste grunnlaget ein har for å seia noko som helst om den sosiale statusen til jordeigarane. I tillegg vil resultatata visa at det eg har rekna som aristokrati like gjerne, og jamvel meir sannsynleg, er underrepresentert i personidentifikasjonane, snarare enn overrepresentert (sjå s. 531 f.). Med fleire undersøkingar av same type for andre delar av landet, vil det truleg også verta mogleg å seia meir om dei potensielle feilmarginane i mitt materiale. Ikkje minst ville det vore interessant å sett tilsvarende undersøkingar frå innlandsområda der ein tradisjonelt reknar med mykje bondejordeige, frå Trøndelag med presumptivt svært mykje sentralkyrkjeleg jordeige, og frå austsida av Oslofjorden med dagens Austfold og Båhuslen der ein framleis på 1600-talet har ein relativt talrik adel.³

Kjeldematerialet har også nokre geografiske slagsider. Til dømes er det relativt få kjelder frå Sunnfjord og Nordhordland, samstundes som dette er to regionar der det er svært mykje kyrkje- og krongods på reformasjonstida, og dermed rimelegvis også i seinmellomalderen. På den andre sida har vi Voss, der det er overlevert svært mykje kjelder om jordtransaksjonar i mellomalderen samanlikna med desse to regionane. Årsaka til dette ligg truleg primært i at tilfeldigheitane har sørga for at arkivet etter Alv Knutsson og Magnhild Oddsdotter, med alle atkomstbrevva deira, via Gjørvel Fadersdatter (Sparre) enda opp i Rentekammeret i København etter at jordegodset til Hannibal Sehested vart kverrsett i 1651. Men slik er no ein gong kjeldesituasjonen. Kva kjeldemateriale vi har overlevert i dag, er for ein stor del resultatet av arkivhistoriske tilfeldigheitar. Dette er ikkje noko særnorsk fenomen. Ein ser til dømes det same i Danmark.⁴ Det tyder ikkje at vi ikkje skal bruka det materialet vi faktisk har. Tvert om, så må vi nytta det kjeldematerialet vi har overlevert, og det helst på alle moglege måtar som det kan tenkjast å brukast på.

3. Den svenske historikaren Anders Emanuelsson disputerte i november 2005 på ei doktoravhandling om kyrkjegodset i Oslo bispedøme frå omlag 1000 til 1400, og opphavet til dette med utgangspunkt i biskop Øysteins jordebok frå kring 1400 (Emanuelsson 2005). Avhandlinga fekk eg litt for seint til at eg har hatt høve til å gå grundig gjennom den og samanlikna den med mitt materiale. Ein veikskap med Emanuelssons avhandling er likevel at den ikkje femner heile mellomalderen, og at han i stor grad har nytta *Regesta Norvegica* og i mykje mindre grad *Diplomatarium Norvegicum*. Dette er nok også årsaka til at han stansar undersøkinga like oppunder 1400, ettersom RN ikkje då var kome lenger fram i tid enn 1390. Men uavhengig av dette, vil den tvillaust stå som eit vektig bidrag til norsk jordeigedomshistorie i lang tid framover.

4. Ulsig 1968, s. 292; C. P. Rasmussen 2001, s. 509.

Eg har heller ikkje gjennomført noko form for bolteljing i denne undersøkinga. Med dette meiner eg her at eg ikkje systematisk har talt opp og laga statistiske oversyn over kor mange mmb jord som skiftar hender eller som det kjem fram andre opplysningar om, og kva sosial status dei forskjellige eigarane, kjøparane og seljarane har. Med omsyn til sjølve bolteljinga skuldast dette at eg har vurdert det slik at eg ikkje trur det vil svare seg resultatmessig å bruka relativt lang tid på å kartleggja kor store landskyldpartar som tilhøyrrer kven, ettersom tidsspennet er såpass stort i mange samanhengar, og i andre tilfeller vil det vera tale om den same eigedomsparten gjennom fleire brev til ulike tidsperiodar. Ei slik teljing kan likevel vera interessant å gjennomføra ved eit seinare høve, sjølv om det neppe vil kasta mykje ljøs over jordeigedomfordelinga i sin heilskap. Eit anna moment som eg heller ikkje har gjennomført, er ei systematisk og detaljert oppteljing over kven som var kjøpar og kven som var seljar i dei forskjellige transaksjonane som involverer private jordeigarar, samstundes som eg har kartlagt den sosiale statusen deira. Figurane 3 og 4 på sidene 81 og 82 viser fordelinga av brev med transaksjoner mellom private, geistlege og krona, men fortel ikkje noko om den sosiale statusen til dei private jordeigarane. Inntrykket mitt frå kjeldegjennomgangen i kap. 4 er likevel at aristokratiet både sel og kjøper jord i like stor grad som dei andre samfunnsgruppene, utan at eg kan seia noko om proporsjonane mellom dei forskjellige kategoriane av samfunnsgrupper. Med den store gruppa av uidentifiserte er det også uvisst kor mykje som vil koma ut av ei slik oppteljing.

Eg startar med den lokale fordelinga innanfor dei forskjellige syslene eller regionane i undersøkingsområdet, samt ein ekskurs om kyrkjegodset i mellomalderen, før eg legg fram samla tal for det privateigde jordegodset i heile området. Regionane er Nordfjord, Sunnfjord, Sogn, Nordhordland, Bergen, Voss, Hardanger og Sunnhordland. Saman med ein kort gjennomgang av resultatata eg har kome fram til, og nokre eksempel trekte ut frå det store materialkapitlet, har eg sett det som turvande å drøfta dei i ljøs av resultatata som Andreas Holmsen og Halvard Bjørkvik presenterte for dei same områda i *Kven åtte jorda*, med bakgrunn i materialet frå 1661 (tabell 5-1). Etter den regionvise gjennomgangen følgjer ein ekskurs om kyrkjegodset og den presumptive storleiken på det i mellomalderen, før eg freistar å samla trådane.

Alle opplysningar som eg sjølv har nytta om jordeigedomstilhøva i 1661, både her og i det foregåande, er, dersom ikkje anna er sagt, henta frå Landkommisjonens jordebok i Riksarkivet i Oslo, men eg har ikkje sett det som turvande å skriva inn fotnotar med arkivreferanse kvar einaste stad eg har nytta desse opplysningane. I staden opplyser eg her at den korrekte arkivreferansen er:

NRA, RK, ROA, Landkommisjonen 1661, Bergen lagdømme, pk. 24–26, Alminnelig jordebok 1661. Tala til Bjørkvik og Holmsen er i hovudsak henta frå same arkiv, men dei har i hovudsak nytta ekstraktane til Nicolas Paulsen i pk. 31.

Tabell 5-1. Fordelinga over privateigd jordegods i undersøkingsområdet i 1661 (Bjørkvik og Holmsen 1978, s. 30).

Region	Adelsgods i laup smør	Adelsgods i prosent av total privateigd landskyld i regionen	Bonde- og borgargods i laup smør	Bonde- og borgargods i prosent av total privateigd landskyld i regionen
Nordfjord	29	4,8 %	570	95,2 %
Sunnfjord	71	31,6 %	154	68,4 %
Sogn (ytre og indre)	372	26,7 %	1021	73,3 %
Nordhordland (inkl. Voss)	465	54,9 %	382	45,1 %
Hardanger	127	20,8 %	484	79,2 %
Sunnhordland	459	40,1 %	687	59,9 %
Total	1523	31,6 %	3298	68,4 %

Samla utgjer det privateigde jordegodset i undersøkingsområdet, dvs. Bergenhus len utanom Sunnmøre, 4821 laup smør i 1661. Det samla undersøkingsområdet hadde på same tid ei total landskyld på 10489 laup smør.⁵ Dette tyder igjen at 46 % av den totale landskylda i undersøkingsområdet i 1661 var i privat eige. Dei resterande 54 % var krongods (inklusive mykje av det gamle bispe- og klostergodset) eller kyrkjegods. Av det privateigde godset i 1661, var 31,6 % adelsgods, medan 68,4 % var bonde- eller borgargods. Eg skal koma attende til ei kort drøfting av grunnlaget for Bjørkviks tal for utgangen av seinmellomalderen i kap. 5.2.10.

5. Disse og andre avvik i høve til Bjørkvik og Holmsen 1978 skuldast sjølvstakt at eg ikkje reknar med Sunnmøre i totalen, ettersom Sunnmøre ikkje er ein del av mitt undersøkingsområde. Dessutan reknar eg i hovudsak berre med det privateigde jordegodset så sant det ikkje er sagt noko anna.

5.2.1 Nordfjord

Tabell 5-2. Jordeigarar i Nordfjord

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	27 (31 %)	11 (27,5 %)	3 (15 %)	41 (27,9 %)
Geistleg aristokrati	1 (1,2 %)	1 (2,5 %)	-	2 (1,4 %)
Fyrstelege personar	-	-	-	-
Lokal elite	15 (17,2 %)	11 (27,5 %)	9 (45 %)	35 (23,8 %)
Lokalgeistlege	1 (1,2 %)	-	1 (5 %)	2 (1,4 %)
Bønder	-	-	-	-
Bymenn	-	-	-	-
Uidentifiserte	43 (49,4 %)	17 (42,5 %)	7 (35 %)	67 (45,6 %)
Total	87	40	20	147

I 1661 er Nordfjord den regionen med absolutt minst adelsgoods. Berre knappe 5 % av jorda er då i eiga til adelen, medan heile 95 % er bonde- og borgargods. Nordfjord er også den regionen i 1661 som har mest sjølveigargods, det vil seia jord som eigaren sjølv brukar. Jordeigedomstilhøva i Nordfjord ligg dermed nær dei ein finn i fjellbygdene på Austlandet og på Agder.⁶

Tabellen ovanfor viser ein jamn nedgang i namngjevne jordeigarar i Nordfjord gjennom alle tre periodane, samt ein prosentvis nedgang i talet på aristokratar mellom jordeigarane. Derimot er det ein prosentvis auke både i det eg har rekna for lokale elitar og i gruppa av uidentifiserte. Det høge talet på personar som er uidentifiserte i perioden før 1350 skuldast i hovudsak dei etter måten mange namngjevne donatorane frå Nordfjord som er omtalte i Bergens Kalvskinn (kap. 4.3), og som det ikkje har vore mogleg å identifisera ut frå andre kjelder.


Det første eksempelet eg vil trekkja fram frå Nordfjord, er Løkja (Eid 19) i Eid, som må ha vore setegarden til lagmannen Eindride Simonsson i førstninga av 1300-talet (kap. 4.24). I 1661 er garden borgargods og sagt å vera i eiga til (den nyleg avdøde) Volkvard Brodersen, medan det i 1647 er svigermora hans som eig den. Før henne var det adelsmannen Claus Brockenhus som eigde garden, og den er innført i jordeboka hans frå 1625. Rimelegvis har den kome frå Austrått-folket og Rømer-ætta.⁷ I alle høve er dette eit eksempel på borgargods i 1661, men som skifta «status» i første halvta av 1600-talet frå adelsgoods til borgargods.

6. Bjørkvik og Holmsen 1978, s. 29.

7. *Skem 1647 Sogn og Fjordane*, s. 323; NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7. Kona til Claus Brockenhus var dotter til Peder Iversen («Jernskjegg») på Fresje, som fekk hand om ein del jordegods etter Austrått-ætta og Rømer'ane. Jf. Weidling 1998a, s. 42–48 og 615–616.

Eide i Stryn var kring 1300 sete for ein riddar, nemleg Peter Gudleiksson (kap. 4.9). Dette var då ein storgard som rimelegvis inkluderte det som i dag er gardane Ytreeide (Stryn 62) og Kyrkjeide (Stryn 63). Ytreeida har i 1661 ei samla landskyld på 3 laup smør og 4 får, der ½ laup smør er hospitalgods (noko som indikerer at det i mellomalderen låg til Selja kloster), medan resten er bondegods. Kyrkjeide har ei samla landskyld på 3 ½ laup smør, 3 huder og 4 får, der 1 ½ laup er bondegods, og det øvrige er ått av lokalkyrkjelege eigarar, kannikane i Bergen og Munkeliv kloster. Rimelegvis har det aller meste av Eide vore i eiga til Peter Gudleiksson, og Munkelivgodset veit vi vart selt til klosteret av nettopp Peter Gudleiksson (sak 412). Frå 1560-åra (truleg) kjenner vi to brev om ættleggar og odelsgods i Stryn. Brev er nesten likelydande, og dei vitnar at følgjande ættlegg er rett, rekna frå Eirik Kolbeinsson i alle greiner.

Tavle 36. Ættleggen etter Eirik Kolbeinsson frå DN XXI, nr. 1141.



Olav Eiriksson, åtte ei kone som heitte Guro, og avla eit barn med henne. Då Olav døydde arva barnet 1 ½ laup i Ytreeide (Stryn 62) og Stauri (Stryn 42) etter han. Sidan døydde barnet og mora, Guro, arva det. Deretter vart Guro gift med Anders, og avla ei dotter med han. Så døydde Guro, og barnet hennar arva 1 ½ laup i Ytreeide og Stauri. Før nemnte Lasse Nilsson og Torstein Nilsson arva sine to søstre Gunnhild og Kari, men Torstein avla ei ektefødd dotter Ragnhild Torsteinsdotter som enno er i live. Men Torstein og Lasse Nilssøner selde, saman med far deira Nils Kolbeinsson, heile den brorparten som tilfall dei etter Kolbein Eiriksson i Ytreeide og Stauri til Anders Torgilsson og hans arvingar. Kolbein Eiriksson og Olav arva etter far sin både Ytreeide og 1 laup i Stauri, og før nemnte Eirik Kolbeinsson hadde også arva 1 laup i Maurset (Stryn 56) i Nedstryn sokn. Det siste barnet, som heitte Ingeborg Eiriksdotter, vart dømt av di ho hadde leiermål med ein av sine nærskylde slektningar, men brørne hennar løyste henne for det. Sidan har sonen hennar, Arne Jonsson, tileigna seg Ytreeide, som er hovudbølet, men korleis dette var gått til visste ikkje lagretten.⁸

8. DN XXI, nr. 1140 og 1141.

Av dette folket kan ein rekna med at Eirik Kolbeinsson levde ein gong kring midten eller slutten av 1400-åra. Dottersonen hans, Arne Jonsson, som er sagt å sitja med hovudbølet på Ytreeide, er tvil- laust identisk med den Arne på Ytreeide som er nemnt nokre gonger i tida 1520–1522.⁹ Frå 1543 har vi eit brev som fortel at Nils Kolbeinsson for nauds skuld selde til Anders Torgilsson 1 laups- leige i Ytreeide i Nedstryn skipreide samt det han åtte i Stauri, som talte med under same laupsleige, med eit laksegardsstø, og at Nils dessutan gav Anders rett til å løysa inn all hans odel i Ytreeide og Stauri med næraste odelsmanns samtykke. Nils vedgjekk å ha fått full betaling.¹⁰ Anders Torgilsson er nok den Anders, som saman med ein Jon (vel Arnesson) bur på Ytreeide i 1563, og den same Anders på Ytreeide er mellom dei jordeigande bøndene i Nordfjord som betalar mest i odelskatt.¹¹ Det vart halde skifte etter Anders Torgilsson i 1585.¹² Alle desse personane på 1500-talet må rek- nast for å vera anten lokal elite eller bønder.¹³ Men at dei er etterkomarar etter det lokale aristo- kratiet i Nordfjord i mellomalderen er også sannsynleg. Dei kan ha vore etterkomarar etter riddaren Peter Gudleiksson (sjå note 1216 på side 300). I eit brev frå Anders Torgilsson til lensherren på Bergenhus, Hans Pederssøn, samt lagmann, borgarmeister og råd i Bergen, dagsett 12. juni 1578, skriv Anders Torgilsson at Erik Rosenkrantz i si tid hadde sagt, etter å ha lese eit domsbrev som Anders hadde på jordegodset i Ytreeide og Stauri, at Anders var «vdj skyldskab med hannom thil den gamble Fru Guron paa Gieske».¹⁴ Lokalhistorikaren Ola Kvalsund meiner at fru «Guron» må vera identisk med ei Gudrid i Giske, dotter til Karlshovud i Husabø, som er nemnt i ein gammal ættlegg som opphavleg stod på eit, etter Gustav Storm, no bortkome blad i B-handskriftet til *Fagr- skinna*. Det same meiner Arne Øvrelid i eit bidrag i Sunnmørshistoria.¹⁵ Eg meiner denne tolkinga er tvilsam. Etter kva eg kan sjå må denne fru «Guron» vera identisk med fru Gudrun Olavsdotter († etter 1472) som var gift med Erlend Eindridesson (n. 1429–1450) av Losna-ætta, og som arva ein tredel av jordegodset etter junker Hans Sigurdsson av Sørums og Giske († 1466).¹⁶ Det forklarar samstundes Erik Rosenkrantz sin presumptive bruk av tilskrivninga «paa Gieske», ettersom ho arva tredjeparten av «Giskegodset», det vil seia jordegodset til Giske- (og Sørums-)ætta.¹⁷ Det er gjennom

9. NRJ II, s. 131; NRJ III, s. 622.

10. DN XXI, nr. 870.

11. NLR III, s. 158 og 168. Anders på Ytreeide gjev heile 7 daler 6 skilling i skatt (helvta av jordeigande bønders land- skyld).

12. UBB, Diplomsamlinga, brev dagsett 19. oktober 1585. Avskrift ved Arne Solli på <<http://home.no.net/lhnm/nordfjord/ytre-eide/skifte-1585-19-oct.htm>>, aksessert 9. mars 2005.

13. Kvalsund 1957, s. 289, og Øvrelid 1994, s. 63, reknar Anders Torgilsson som ein lågadelmann eller knape. Dette finnest det ikkje kjeldegrunnlag for, men økonomisk tilhøyrer han det vanskeleg definerbare sjiktet som eg har kalla lokale elitar.

14. UBB, Diplomsamlinga, brev dagsett 12. juni 1578. Avskrift ved Bjørn Jonson Dale på <<http://home.no.net/lhnm/nordfjord/ytre-eide/1578-12-juni.htm>>, aksessert 9. mars 2005.

fru Gudrun at Erik Rosenkrantz har ættesamband med ætta på Giske (jf. tavle 20 på s. 345 og tavle 37 på s. 535). Korleis skyldskapen var seier ikkje brevet noko om, men folket på Ytreeide har definitivt ikkje vore etterkomarar etter fru Gudrun. Mest truleg har dei vore i ætt med den gamle ætta på Giske og Bjarkøy på eitt eller anna vis, og dermed også til fru Gudrun Olavsdotter.

Garden Hundeide (Eid 16–17) i Eid, eller i det minste delar av den, tilhørte på byrjinga av 1300-talet ei slekt som må reknast til hirdmannssjiktet og dermed også til eit lågare sjikt av aristokratiet (kap. 4.30). I 1661 var det meste av ytre Hundeide bondegods (ein mindre part var lokalt prestebolsgods), med indre Hundeide var relativt likeleg fordelt mellom bønder og lokalkyrkjelege eigarar. Dei same eigartilhøva møter vi i 1647.¹⁸ Ettersom hirdmannsstatusen må medføra at slektrinsen på Hundeide i førstninga av 1300-talet tilhørte aristokratiet, må det ha gått føre seg ei form for sosial deklassering før 1600-talet. Når denne sosiale deklasseringa sette inn, er derimot uråd å seia. Det kan like gjerne ha gått føre seg på 1300-talet som på 1500-talet, men mangelen på kjelder for den mellomliggjande perioden gjer det uråd å få ei avklaring på dette spørsmålet.

Det er rimeleg å rekna med at det må ha vore nokså mykje meir jordegods i Nordfjord som var i eiga til aristokratiet i mellomalderen enn kva som var tilfellet i 1661. Rett nok kjenner vi berre ei einskild lendmannsætt i Nordfjord, nemleg Ståreim-ætta som døydde ut i førstninga av 1300-talet. Delar av jordegodset etter denne ætta finn ein att hjå Giske/Bjarkøy-ætta seinare i mellomalderen, medan andre delar truleg har gått til andre arvingar (kap. 4.18). Men det finnest fleire eksempel på

15. Kvalsund 1957, s. 288–294; Øvrelid 1994, s. 63. Om ættleggane, sjå Storm 1876. Denne ættleggen er også handsama i Steinnes 1971, s. 21–24. Ut frå kronologien må denne Gudrid i Giske ha vore i live kring 1220–1230, og anten ha vore gift med lendmannen Pål Flida på Giske (n. 1184–1223), eller meir truleg sonen hans Peter Pålsson († 1254) (Storm 1876, s. 96; Steinnes 1971, s. 23; jf. også C. C. A. Lange 1850, s. 49). Kvalsund 1957, s. 294, og Øvrelid 1994, s. 62, hevdar dessutan at ho ikkje hadde etterkomarar i Giske-ætta, noko ein ikkje veit noko som helst om, og spørsmålet som då reiser seg er korleis ho då kan vera eit felles referansepunkt til skyldskap mellom Erik Rosenkrantz og Anders Torgilsson på Ytreeide. Kvalsund giftar ho jamvel bort ein første gong heilt utan kjeldgrunnlag til ein Hedin Karlsson som er nemnt i ein annan av ættleggane (Kvalsund 1957, s. 294). Den islandske filologen og sagautgjevaren Finnur Jónsson (1858–1934) var på si side slett ikkje overtydd om at desse ættetavlene opphavleg var i B-handskriftet til *Fagrskinna*, jf. *FskFJ*, s. XIV: «Det er vanskelig eller umuligt at modbevise dette, men jeg føler mig ingelunde overbevist om, at så har været tilfældet, og det særlig af den grund, at disse slægtregistre ikke står i noen organisk forbindelse med de andre og har en fra disse forskellig karakter».

16. For det første er det lite truleg at Gudrid vert forvanska til «Guron». Ein skulle då heller venta noko i retning av «Gurij» eller «Gurie». For det andre er det eit svært langt tidsspenn mellom Gudrid i Giske kring 1230, og Erik Rosenkrantz i 1560-åra, og det skal mykje til om Erik Rosenkrantz skulle kunna på rams alle sine aner over 300 år. Det mest nærliggjande vert dermed at denne «Guron» er den fru Gudrun Olavsdotter som er den som brakte ein tredel av Giskegodset med seg inn i Losna-ætta. Termen skyldskap indikerer heller ikkje noko anna enn slektskap, og ikkje at dei begge nedstammar frå den namngjevne «Fru Guron».

17. Då arven vart skifta i 1490 var det døtrene hennar som arva, men arven vart sjølv sagt rekna ut frå dei slektingane som var nærast til arv på det tidspunktet junker Hans Sigurdsson døydde i 1466. Om fordelinga av arven, sjå Sandberg 1970.

18. *Skm 1647 Sogn og Fjordane*, s. 321–322.

andre aristokratar i Nordfjord ut over dei som er nemnte ovanfor, som til dømes folket på Gjemmestad i Gloppen (kap. 4.12). Baronen Audun Hugleiksson (kap. 4.4) må ha ått ein del jord i Nordfjord, og dette danna igjen grunnstamma i jordegodset til Rømer-ætta (kap. 4.37). Av dei som eg har rekna til den lokale eliten i Nordfjord, kan nemnast Erlend Jonsson på Sæta og etterkomarane hans. Dei rådde over eit nokså stort jordegods med sentrum kring Lovatnet i Indre Nordfjord (kap. 4.38).

5.2.2 Sunnfjord

Tabell 5-3. Jordeigarar i Sunnfjord

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	11 (44 %)	6 (40 %)	2 (100 %)	19 (45,2 %)
Geistleg aristokrati	1 (4 %)	-	-	1 (2,4 %)
Fyrstelege personar	1 (4 %)	-	-	1 (2,4 %)
Lokal elite	1 (4 %)	5 (33,3 %)	-	6 (14,3 %)
Lokalgeistlege	2 (8 %)	-	-	2 (4,8 %)
Bønder	-	-	-	-
Bymenn	-	-	-	-
Uidentifiserte	9 (36 %)	4 (26,7 %)	-	13 (31 %)
Total	25	15	2	42

Sunnfjord er den regionen der eg har funne færrest jordeigarar i mellomalderen. Her var også svært mykje av jorda krongods i 1661, noko Holmsen og Bjørkvik set i samanheng med konfiskeringa av jordegodset til Audun Hugleiksson etter avrettinga av han i 1302.¹⁹ Kor mykje det er i dette er eg uvisst på, ettersom mykje av jordegodset etter Audun Hugleiksson vart gjeve bort til Otte Rømer i 1360-åra. Og det er fullstendig urimeleg å rekna med at Audun åtte halve Sunnfjord, men samstundes er det rimeleg å rekna med at den store konsentrasjonen av Apostelgods i Jølster,²⁰ der setegarden til Audun låg, kan gå attende på konfiskasjonar av jordegodset hans der. Forklaringa på kvifor krona åtte så mykje jord i Sunnfjord i 1661 bør vera ei oppgåve for framtidig forskning. Elles var det heller ikkje så mykje adelsgods i Sunnfjord i 1661, berre 71 laup smør mot 154 laup smør bonde- og borgargods. Til saman utgjorde ikkje det privateigde jordegodset meir enn knappe 25 % av den samla landskylda i Sunnfjord.

19. Bjørkvik og Holmsen 1978, s. 33.

20. Sjå jordebøker 1624–1625 og 1626 i NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 3 og 4, samt jordebok 1640–1652 i NRA, LR, Apostelgodset, pk. 1.4.

Totalt har eg altså berre funne 42 namngjevne jordeigarar i Sunnfjord i heile mellomalderen, og av desse er omlag 45 % identifisert som aristokrati, medan 31 % er uidentifiserte. Det er ein jamn nedgang også i Sunnfjord med omsyn til personar som er omtalte i kjeldene som jordeigarar, og eg har funne berre to personar frå tida etter 1450. Ved sidan av Audun Hugleiksson (kap. 4.4), peikar Naustdal-ætta seg ut som den truleg mektigaste ætta i regionen i 1300-åra (kap. 4.17), men denne ætta er lite omtalt i kjeldene i samband med jordeigedom. Elles er til dømes både Hildugard-ætta (kap. 4.25) og riddarane Brynjulv Ogmundsson og Jon Brynjulvsson (kap. 4.23) mellom jordeigarane i Sunnfjord. I Bremanger finn vi ein annan riddar i Serk på Grotle (sjå s. 107).

I 1282 (sak 4) selde brorsonen til biskop Peter av Bergen $\frac{1}{2}$ mmb i Tannsåya (Kinn 45) i Kinn til Munkeliv kloster. Nokre år seinare, i 1300 (sak 9), sel riddaren Jon Ragnvaldsson jord i nabo-gardane Espeset (Kinn 44) og Sunde (Kinn 46), samt ein del anna gods i Sunnfjord, til Munkeliv kloster. Både Espeset og Tannsåya er Munkelivgoods også i nytid, men parten i Sunde i 1535 er mellom gardane som tilhøyrrer Vincens Lunge.²¹ Det er rimeleg å rekna med at parten i Sunde var gammalt Nonnesetergods, som då vel har kome til Nonneseter gjennom eit makeskifte med Munkeliv. I 1661 er såleis parten i Sunde, då uttrykt som $2\frac{1}{2}$ våg fisk, igjen å finna som adelsgods, og tilhøyrrer då Daniel Bildt, ein av etterkomarane til Vincens Lunge. Den andre parten, $1\frac{1}{2}$ våg fisk, var i lokalkyrkjeleg eige. Om ein ser på landskyldverdiane i desse gardane i 1661 finn vi at Tannsåya har ei landskyld på 4 pund fisk, Espeset ei landskyld på 2 våger fisk, medan Sunde til saman har ei landskyld på 4 vågar fisk. Samanliknar ein med mellomalderen finn ein då at det som vert selt i Tannsåya er $\frac{1}{2}$ mmb, mot 11 mmb i Espeset og heile 34 mmb i Sunde. Munkeliv eig heile Tannsåya og Espeset, medan omlag $\frac{5}{8}$ av Sunde er i eiga til Vincens Lunges arvingar i tidleg nytid. Dette illustrerer kor store vanskar det er med å samanlikna boltala frå mellomalderen med landskyldverdiar frå tidleg nytid. Det er, trass i dei store skilnadane i boltala, rimeleg å rekna med at i det minste salet av Tannsåya og Espeset kring 1300 representerer heile gardane, og at dei 34 mmb i Sunde i 1300 ikkje utgjer meir enn dei $2\frac{1}{2}$ vågane med fisk i 1661 (uttrykt som 1 laup smør og 1 hud i jordeboka til Vincens Lunge).

Grotle (Brem 11–12) i Bremanger er ein gard som i førstninga av 1300-åra var setegard for ein riddar omtalt nokre gonger i kjeldene, Serk på Grotle (sjå sak 25). Kor vidt Serk åtte heile Grotle eller berre delar av den, er uvisst. Han gjev i alle høve bort ein part i indre Grotle til presten same stad, og i 1345 (sak 68) ser det ut til at ein Håkon Botolvsson så vel som hertuginne Ingebjørg

21. NRJ IV, s. 487.

Håkonsdotter eig jord i ytre Grotle. I 1661 er det mange partseigarar i Grotle, og berre ein liten part i indre Grotle er framleis adelsgods og tilhøyrrer då Rosenkrantz'ane. Ytre Grotle er dels krongods, dels hospitalgods (truleg gammalt Selja klostergods), medan resten av indre Grotle dels er lokal-kyrkjeleg gods og dels borgargods. I 1647 er halvta av borgargodset frå 1661 i bondeeiige.²² Med omsyn til Rosenkrantzgodset, så ser ein at mellom anna Jakob Rosenkrantz eig ein del anna jord i Bremanger og andre stader i både Sunnfjord og Nordfjord i 1624 der ein del godt opphavleg kan ha vore i eiga til herr Serk utan at det i dag er råd å seia noko sikkert om det.²³

Hegranes (Jøl 73) i Jølster, setegarden til Audun Huggleiksson på slutten av 1200-talet (kap. 4.4), er eit tilsvarende eksempel som Løkja i Eid (sjå s. 500) på at ein gard som er adelsgods i 1620-åra går over til å vera borgargods i 1661. Til liks med Løkja er også Hegranes i eiga til Claus Brockenhus i 1625, er i 1647 ått av enkja etter Niels Pedersen Lem,²⁴ og i 1661 av sonen hennar.

Nos (Gau 103) i Bygstad sokn i Gaular er mellom dei gardane som er krongods både i 1647 og 1661.²⁵ I mellomalderen kan garden følgjast frå riddaren Brynjulv Ogmundsson (kap. 4.23) via Hildugard-ætta (kap. 4.25) til Hartvig Krummedike (kap. 4.52). Om desse folka har ått heile Nos, er likevel usikkert, ettersom det i Hartvig Krummedikes jordebok ikkje er tale om meir enn ½ laup smør,²⁶ medan landskylda i 1661 er på 2 laup smør. Det kan likevel ha gått føre seg ei oppskrivning av landskylda i tidleg nytid, noko som slett ikkje var uvanleg. Dette er eit greitt eksempel på overgang frå adelsgods til krongods. Dei andre gardane i Sunnfjord som kan følgjast frå Brynjulv Ogmundsson og Hildugard-ætta til Hartvig Krummedike i seinmellomalderen (Bakke, Kleppenes og Eikenes i Fjaler) er alle i eiga til Eske Billes (og dermed også Hartvig Krummedikes) arvingar i 1624²⁷ og til Christoffer Gøye i 1661.

Naustdal (Før 99), setegarden til lendmannsætta i Sunnfjord (kap. 4.17), har ei uoversiktleg eigarsoge, ettersom det ikkje er mange kjelder til den. Ein kan gissa på at Margreta Eilivsdotter tidleg på 1400-talet har gjeve garden til domkyrkja i Bergen,²⁸ ettersom Truid Ulfstand, ektemannen til Gørvel Fadersdatter, i 1539 lét lesa eit brev om Naustdal og Naustdal gods som var gjeve til dom-

22. *Skm 1647 Sogn og Fjordane*, s. 166. Sjur på Størdal i Askvoll eig då 2 vågar fisk, som enkja etter soknepresten i Kinn er ført med i 1661.

23. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7.

24. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7; *Skm 1647 Sogn og Fjordane*, s. 199; jf. Nedrebø et al. 2002, s. 125–126.

25. *Skm 1647 Sogn og Fjordane*, s. 220.

26. *HKJ*, s. 176–177 og 186–187.

27. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7.

28. Dette vert også sannsynleggjort ved eksempelet Eikenes (Hos 63–64) i Hosanger, som Margrete Eilivsdotter og Tideke Vistenakker makeskiftar til seg frå Magnus Magnusson på Giske i 1416 (sak 471). I nytid er også Eikenes kommungods.

kyrkja i Bergen for å halda evig messe. Ettersom både kyrkja og alteret no var nedrivne, og inga messe var halden på mange år, påtalte no Truid Ulfstand godset og ville prøva å få det attende etter Noregs lov.²⁹ Korleis dette gjekk veit vi ikkje noko om, men ein herredagsdom frå 1580 fortel at ærleg og velbyrdig mann Hans Pedersen til Sem, på den eine sida, og hadde stemna ærleg og velbyrdig mann Erik Hardenberg til Torslunde, på den andre sida, og lét lesa nokre brev på at stemninga var lesen for Erik Hardenberg. Hans Pedersen fortalte at det for ei tid sidan vart gjort nokre kontraktar og skøytebrev mellom hans mor [Ingeborg Nilsdotter] og han på den eine sida, og Erik Hardenberg på eigne og sin bror Knud Hardenbergs vegne, på den andre sida, om den arven som fall etter hans mors søsterdotter, fru Helvig Lykkes dotter [i.e. Nilsdotter Lykke], som hadde [til ekte] Erik Hardenbergs bror Jakob Hardenberg, og meinte at Erik Hardenberg ikkje hadde halde kontrakten og skøytebrevet. På dette lét dei lesa to kontraktar, samt eit skøytebrev på pergament utferd i Oslo 1564, lydande at Erik Hardenberg, på eigne og sin brors vegne, hadde selt, skøytt og avhenda frå seg og sine arvingar, til Hans Pedersens mor og han [sjølv], alt det jordegodset som fall etter deira salige bror Jakob Hardenberg og hans hustru fru Helvig Lykkes dotter og deira barn, inkje unnateke, og ikkje lenger hadde nokon rett til dette godset. Dei vedgjekk også å ha fått full betaling. Vidare fortalte Hans Pedersen at Erik Hardenberg mot eit slikt brev og segl hadde understått seg ein part av same gods, og mot han og hans mors vilje bortpanta og avhenda det til andre, nemleg Bredsgarden på Bryggen i Bergen, «Ladde» i Nordfjord, Naustdal og Brakvatn («Braggewandb») i Sunnfjord, og ein gard i Sogn, med meir gods, som han meinte å kunne prova at Erik Hardenberg hadde bortpanta og avhenda frå han og hans mor. Hans Pedersen sette i retten om ikkje Erik Hardenberg hadde gjort urett mot sine brev og segl, og om han ikkje var pliktig å halda sine brev og segl og igjen innfri han og hans mor alt det godset han hadde bortpanta og avhenda frå dei. Erik Hardenberg møtte ikkje, og det vart avsagt at han hadde tapt saka og skulle gje Hans Pedersen sin kost.³⁰ Godset det her er tale om må vera kome frå Austrått/Rømer, noko som ikkje høver heilt med at også Truid Ulfstand gjorde krav på det i 1539. Det kan dermed tenkjast at det ved ein lapsus står Naustdal i Sunnfjord, der det eigentleg er meint Naustdal i Nordfjord (Eid 20). Denne garden var i 1619 i eiga til Christoffer Ulfeldt og Beate Huitfeldt.³¹ På den andre sida kan det også tenkjast at godset etter Margreta Eilivsdotter i Naustdal dels enda hjå Alv Knutsson og hans etterslekt, og dels hjå hjå Otte Matsson og hans etterslekt, og at begge greinene med arvingar

29. DN IV, nr. 1115.

30. NHD 1. Række II, s. 51–53.

31. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7.

har gjort krav på Naustdal i Sunnfjord. Kva som er rett er vanskeleg å avgjera. I 1647 er i alle høve Naustdal i Sunnfjord krongods,³² og i 1661 er den i eiga til lagmannen Hans Hansen som då var ein av dei største jordeigarane i Bergenhus len, men det aller meste var kjøpe- og pantegods. I 1661 må jordegodset hans framleis reknast som borgargods (embetsmannsgods), ettersom han først i 1676 vart adla under namnet Lillenskiold.³³ Dermed vert Naustdal (i Sunnfjord) eit eksempel på ein gard som både har vore adelsgods, kyrkjegods og borgargods.

Alt i alt tyder også dette på at det i mellomalderen har vore monaleg meir adelsgods i Sunnfjord enn kva tilfellet var i 1661.

5.2.3 Sogn

Tabell 5-4. Jordeigarar i Sogn

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	66 (54,6 %)	33 (37,9 %)	19 (46,3 %)	118 (47,4 %)
Geistleg aristokrati	-	3 (3,5 %)	-	3 (1,2 %)
Fyrstelege personar	-	-	-	-
Lokal elite	13 (10,7 %)	9 (10,4 %)	6 (14,6 %)	28 (11,3 %)
Lokalgeistlege	2 (1,7 %)	2 (2,3 %)	-	4 (1,6 %)
Bønder	-	1 (1,2 %)	-	1 (0,4 %)
Bymenn	1 (0,8 %)	-	-	1 (0,4 %)
Uidentifiserte	39 (32,2 %)	39 (44,8 %)	16 (39 %)	94 (37,8 %)
Total	121	87	41	249

Etter Hardanger og Voss er Sogn den regionen eg har funne flest jordeigarar i, og opp mot helvta av dei kan reknast til aristokratiet. I 1661 er knappe 27 % av den privateigde jorda i Sogn adelsgods, og i dei ytre delane finn ein mykje adelsgods i Solund, Gulen og Hyllestad. Dette var det som då gjekk under nemninga Losna-godset, og som Holmsen meiner kan henda var den største adelege godssamlinga som nokonsinne hadde vore i Sogn.³⁴ Men som Andreas Holmsen også peikar på var det i mellomalderen minst 8–9 store herregardar i Sogn som må ha rådd over store delar av jorda der.³⁵

32. *Skm 1647 Sogn og Fjordane*, s. 192.

33. Reksten 1985b, s. 11–14, har ein kort biografi om han. Jf. også Weidling 2000, s. 233–234.

34. Bjørkvik og Holmsen 1978, s. 31; jf. Holmsen 1937, s. 73.

35. Holmsen 1937, s. 56–57; Bjørkvik og Holmsen 1978, s. 31.

Også i Sogn døyr lendmannsætta på Kvåle i Sogndal ut i starten av 1300-talet (kap. 4.16), men det finnest massevis av andre slekter og personar som kan reknast til aristokratiet. Her kan nemnast folket på Kvam i Hafslo (kap. 4.13), på Slinde i Sogndal (kap. 4.35), Losna-ætta (kap. 4.32) og Soop (kap. 4.48), for berre å nemna nokre av dei. Sogn har elles nokre av dei aller største gardane i Noreg om ein måler i landskyld. Husabø (Lei 12) i Leikanger har til dømes i 1661 ei landskyld på 24 laup 18 merker smør, Ornes (Haf 91) skuldar på same tid 7 ½ laup smør 7 huder og 26 mælar korn (i *HKJ* uttrykt som 21 laup [smør]³⁶), noko som i 1380 (sjå kap. 4.25) er uttrykt som heile 128 mmb, som igjen svarar til over 42 markebol. Dersom ein skal drista seg til å gissa på landskylda til Husabø i mellomalderen med same forholdstal som Ornes, vil ein koma over 200 mmb på 1300-talet, eller i omlag 67 markebol. I 1330 (sak 462) er tredjeparten av det gamle lendmannssetet Kvåle (Sog 23) i Sogndal sagt å vera på 40 mmb, noko som fortel oss at heile garden må ha hatt ei landskyld på 120 mmb (40 markebol). Dette er enormt høge landskyldverdiar som det knapt finnest maken til andre stader i landet. Husabø og Kvåle er forøvrig borgargods i 1661 med unnatak for 2 laup smør i Husabø som er Apostelgods. Det same finn ein i 1647.³⁷ I 1625 er det meste av Husabø og heile Kvåle derimot adelsgods, og i eiga til Gunde Lange,³⁸ og begge gardane var i seinmellomalderen ått av eller kom i eiga til Giske-ætta og arvingane etter den. Ornes er framleis adelsgods i 1661.

Tor Weidling publiserte i 2001 ein artikkel i *Heimen* om utviklinga av adelsgodset i Sogn frå slutten av 1500-talet fram til 1661, der han viser at eigeidomstilhøva endrar seg raskt over relativt kort tid. I 1661 var adelsgodset på 372 laup smør, og utgjorde 14,7 % av den samla landskylda i Sogn.³⁹ Weidling viser at i 1624 utgjorde adelsgodset i Sogn omlag 600 laup smør eller 23,6 % av den samla landskylda. Han viser også at dersom ein legg til eit absolutt minimumstal på 150 laupar til på slutten av 1500-talet, utgjorde adelsgodset då omlag 29,5 % av den samla landskylda i Sogn. Det er likevel mogleg at ein bør leggja til så mykje som 360 laup smør i høve til 1624, noko som då vil medføra at det samla adelsgodset vil femna omlag 38 % av den totale landskylda i Sogn på slutten av 1500-talet – rekna etter det samla landskyldtalet i 1661. Weidling reknar dette som eit forsiktig overslag.⁴⁰ Delen av jordegods i eiga til aristokratiet har neppe vore lågare i seinmellomalderen. Ettersom Tor Weidling i sin artikkel har femna det meste av det som er adelsgods i starten av 1600-åra kontra det

36. *HKJ*, s. 176–177.

37. *Skm 1647 Sogn og Fjordane*, s. 39 og 86.

38. NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7.

39. Bjørkvik og Holmsen 1978, s. 30.

40. Weidling 2001, s. 253.

som er det 1661, ser eg det ikkje som naudsynt å eksemplifisera her med særskilt mykje materiale frå Sogn som enkelt kan finnast hjå Weidling.

Ein av gardane som har lite tidleg 1600-tals adelsgoods, berre ½ laup smør 1 hud, i 1661, er Ottane (Lus 28) i Luster i Indre Sogn. Her kjenner vi derimot namna på alle partseigarane i garden i 1324, ettersom det då kom i stand eit forlik om bruken av noko utmark som mellom anna låg til Ottane (sjå kap. 4.27). I 1661 har garden ei samla landskyld på 6 laup smør, 3 huder og 11 mælar korn. Av dette var som nemnt berre ½ laup smør og 1 hud tidlegare adelsgoods, men då i eiga til futen Christoffer Gjertsen i Sogn. Av det øvrige var ½ laup smør Apostelgoods, 1 mæle korn var i lokalkyrkjeleg eige, medan resten var krongods. Eigartilhøva var dei same i 1647.⁴¹ Av eigarane i 1324, åtte alt då Apostelkyrkja i Bergen sin part, uttrykt som 6 mmb. Resten av garden, 89 mmb, var i privat eige. Av eigarane har eg identifisert fleire av dei som tilhøyrande aristokratiet. I løpet av seinmellomalderen, eller på 1500-talet, må altså størsteparten av Ottane ha kome i offentleg eige, anten det no har vore bispestolen i Bergen, eller direkte til krona.

Kvam (Haf 43/45) i Hafslø i Indre Sogn er ættegarden til den yngre ætta på Finne på Voss. Her møter vi fleire som må reknast til aristokratiet på 1300-talet, og rimelegvis er det ættingar av denne same slekta vi møter att mellom nokon av dei rikaste jordeigande bøndene i området tidleg på 1600-talet.⁴² Jordeigaren Lasse Olsson på Venjo i Hafslø kring 1600, er jamvel omtalt i fleire av våpenbøkene frå 1600- og 1700-talet, og er sagt å føra eit våpenskjold som viser to vengjer av sølv på blå botn. «Dette findes hos Lassze paa Vingen een bonde i Sogn og hand holder sig til det effter sine forældre» heiter det (med einskilde mindre variasjonar) i våpenbøkene.⁴³

Også i Sogn ser det dermed ut til å ha vore meir jordeigedom i eiga til aristokratiet i mellomalderen enn i tidleg nytid.

5.2.4 Nordhordland og Voss

Nordhordland med Voss er den regionen som i 1661 har absolutt mest adelsgoods, med opp mot 55 % av all privateigd jord i området. Dette skuldast i hovudsak to store godssamlingar, Lungegårdsgodset, der delar i mellomalderen utgjorde jordegodset til Nonneseter kloster, og Finnegodset på Voss som krona hadde overteke på slutten av 1500-talet, men som er rekna som adelsgoods hjå Bjørkvik og Holmsen. I tillegg kom det såkalla Seim- og Sandvikengodset, som kan henda

41. *Skm 1647 Sogn og Fjordane*, s. 13.

42. Jf. H. Sollied 1928.

43. Såleis i KB, Thott 1895 4^{to}, nr. CCIX.

var eldre krongods (i det minste var Seim ein gammal kongsgard) men som var adelsgods i tidleg nytid, og seinare kom på hendene til byborgarar i Bergen til liks med mykje anna adelsgods på Vestlandet.

Tabell 5-5. Jordeigarar i Nordhordland

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	16 (42,1 %)	13 (46,4 %)	1 (100 %)	30 (44,8 %)
Geistleg aristokrati	-	2 (7,1 %)	-	2 (3 %)
Fyrstelege personar	-	-	-	-
Lokal elite	2 (5,3 %)	-	-	2 (3 %)
Lokalgeistlege	-	-	-	-
Bønder	1 (2,6 %)	-	-	1 (1,5 %)
Bymenn	2 (5,3 %)	-	-	2 (3 %)
Uidentifiserte	17 (44,8 %)	13 (46,4 %)	-	30 (44,8 %)
Total	38	28	1	67

Av jordeigarane i Nordhordland (utan Voss) kan også nesten halvta reknast til aristokratiet. Som tilfellet også er med Sunnfjord, har eg minimalt med namngjevne jordeigarar i Nordhordland i den siste tidsperioden. Samla sett er også talet på namngjevne jordeigarar svært lite i Nordhordland, med berre 67 personar. Med omsyn til den gamle kongsgarden Seim (Alv 83) hevdar Nils Hjelmtveit, og etter han Frode Iversen, at garden på 1400-talet var i eiga til Otte Rømer, og frå han enda opp hjå Erik Urup, men dette er ikkje råd å belegga ut frå kjeldene.⁴⁴ I det heile er det svært få kjende setegardar i mellomalderens Nordhordland, og ein må attende til kongesogene for å finna Filippus på Herdla og Andres på Tysøy.⁴⁵ Ingen av desse to gardane treng likevel ha vore i privateige, ettersom den svært strategiske plasseringa av desse to gardane i skipsleia kan indikera at det var kongeleg veit-slegods snarare enn privat stormannsgods. Likevel er det altså relativt godt med jordeigarar i Nordhordland som kan reknast til aristokratiet. Finne-ætta på Voss (kap. 4.7) åtte ein heil del jord også i Nordhordland, Bjarne Erlingsson i Bjarkøy (kap. 4.17) åtte jord i området, og det same gjorde Eindride Erlendsson i Losna (kap. 4.32) og erkebiskop Aslak Bolt (kap. 4.37). Seinare på 1500-talet ser

44. Hjelmtveit 1968, s. 561–562; F. Iversen 2002, s. 182–184; F. Iversen 2004, s. 205. Vi kjenner ikkje eigartilhøva i Seim før vi i 1590 får vita at Erik Rosenkrantz må ha ått garden. Då kjem det nemleg fram at Erik Rosenkrantz sine arvingar gjev eitt får i fredtoll av Seim (NRA, RK, LR, Bergenhus len, pk. 1, legg 2, Jordebok 1590–1591, s. 67). Erik Urup åtte neppe Seim i Alversund, for i 1528 får han pantebrev frå kongen på Sem gard og Tunsberg len (NRR I, s. 13), men dette er den Seim-garden som i dag er best kjend under namnet Jarlsberg.

45. Filippus Arnesson av Ståreim-ætta er nemnt først i Haraldssonenes saga (*HkrBA* III, Haraldssona saga, kap. XVI, s. 323), og sidan i Sverres saga då han vart felt i slaget på Ilevollane i 1180 (*Sverris saga*, kap. 44 og 48, s. 47 og 51). Andres frå Tysøy er nemnt i samband med skottetoget i 1263 (*HHS*, s. 297).

ein også at Benkestokk-ætta åtte jord i Nordhordland.⁴⁶ Det er likevel ingen stormannsslekter av vekt som ser ut til å ha Nordhordland som «heimeregion» i seinmellomalderen, noko som er eineståande i mitt undersøkingsområde. Rimelegvis er truleg årsaka til dette at Bergen er plassert geografisk i Nordhordland, og at dei potensielle slektene som ein normalt skulle venta å finna i Nordhordland, i staden har nytta Bergen som heimstad.

Eindride Asbjørnsson, lagmann i Ryfylke, selde i 1348 3 mmb i garden Skåldal (Haus 91) i Arna i noverande Bergen kommune til gulatingslagmannen Ivar Andresson (sak 519). I 1661 hadde garden ei samla landskyld på 1 laup smør, og heile garden var då i eiga til Haus prestebol, noko den også var i 1598.⁴⁷ Dette er eit eksempel på ein gard som i mellomalderen var i eiga til aristokratiet, men i tidleg nytid var lokalkyrkjeleg gods.

Fjellanger (Lin 103) i Lindås er ein annan gard som kring 1300 både har vore, og, etter ei kort stund som Munkelivgods, på ny kjem i eiga til aristokratiet (kap. 4.12). Både i 1647 og 1661 er heile denne garden bondegods.⁴⁸ Diverre finnest det ikkje opplysningar som kastar ljøs over den mellomliggjande perioden, slik at det ikkje er mogleg å seia noko om når endringane i den sosiale statusen til eigarane har sett inn. Inkludert i den same transaksjonen kring 1300, er også ein part i Havrå på Osterøy (Haus 68), men her er eigedomstilhøva meir fragmenterte i tidleg nytid, og ein del i garden er Munkelivgods, ein annan krongods, sjølv om den største parten også her er bondegods i 1647.⁴⁹

Ei sak frå Bergen kring 1590 gjev eit eksempel på nokre gardar i Hosanger skipreide som rimelegvis har vore i bondeiege seinast frå slutten av 1400-talet dersom ein skal stola på generasjonsopplistinga i saksreferatet. Anders Sveinsson hadde stemna i retten Mons Vemundsson på Nordås for nokre brev som han skal ha fråhalde han, og som han vil fråtrenga han sitt rette odelsgods med, helvta i to gardar, nemleg Nordås (Hos 8) og Nynnås (Hos 7), som ligg i Hosanger skipreide og Hamre prestegjeld (på Osterøy). Til dette svara Mons at dei to gardane var hans og hans medarvingars rette odelsgods, og at Anders var ein framand til det sjølv om det for nokre år sidan vart pantsett til Anders sin slektning Bastian. Mons rekna opp sin ættlegg og herkomst, at ei kvinne ved namn Ingeborg åleine åtte dei to gardane først. Ho hadde ei dotter som heitte Bodil, og Bodil hadde to søner ved namn Vemund og Asgaut Pederssøner, og denne Vemund var far til Mons.

46. DN XXI, nr. 1062; DN VI, nr. 805.

47. NKJ III, s. 176. Landskylda var då 2 pund smør.

48. *Skm 1647 Hordaland*, s. 314.

49. *Skm 1647 Hordaland*, s. 346.

Førnemnte Ingeborg pantsatte helvta i dei to gardane til ein sin husmann ved namn Bastian (som ho ikkje var slekt i) for 10 lodd sølv og 1 bergergylden i reie pengar. Denne Bastian åtte ein son som heitte Amund, som vart ektegift med ei kvinne ved namn Barbro, og dei hadde ein son Nils, som levde etter at faren var død. Sidan arva mora sin son Nils, og førnemnte Mons sin far, Vemund, løyste det inn igjen for 26 år sidan frå førnemnte Barbro, for mykje meir enn det som det var pantsatt for, etter eit velbesegla vitnesbyrdbrev som Mons la i retten, dagsett 1564, med fleire odels- og atkomstbrev som han hadde i denne saka. Det vart dømt at godset skulle følgja Mons.⁵⁰ Barbro som er omtalt her er rimelegvis identisk med den Barbro på Nordås som er nemnt mellom dei jordeigande bøndene i Hosanger skipreide i 1563.⁵¹ Ho må ha vore godt vaksen då, noko som gjer det rimeleg å rekna med at Ingeborg som er den første nemnte eigaren av Nynnås og Nordås, truleg har levd på slutten av 1400-talet og byrjinga av 1500-talet.

Tabell 5-6. Jordeigarar på Voss

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	38 (33,9 %)	28 (27,7 %)	11 (15,5 %)	77 (27,1 %)
Geistleg aristokrati	1 (0,9 %)	-	1 (1,4 %)	2 (0,7 %)
Fyrstelege personar	-	-	-	-
Lokal elite	26 (23,2 %)	29 (28,7 %)	23 (32,4 %)	78 (27,5 %)
Lokalgeistlege	5 (4,5 %)	-	-	5 (1,8 %)
Bønder	-	-	-	-
Bymenn	-	-	-	-
Uidentifiserte	42 (37,5 %)	44 (43,6 %)	36 (50,7 %)	122 (43 %)
Total	112	101	71	284

Det som kan henda er det mest påfallande med Voss er den jamne nedgangen i prosenttalet for aristokratar som opptrer som jordeigarar gjennom mellomalderen. Det må ha eksistert eit svært livskraftig aristokrati på Voss før Svartedauden, og rimelegvis også ei tid etter denne. Det vitnar ikkje minst alle våpensegla om. At det på 1200-talet må ha eksistert eit svært velstående sjikt på Voss vitnar også opplysninga i Håkon Håkonssons saga om at vossingane hausten 1239 kom med heile sju skip til kongen i Bergen.⁵² Dei mest framstående slektene på Voss i mellomalderen (kap. 4.7) er tvillaust dei på Finne og Rogne, men også fleire andre personar og slekter kan trygt reknast til aristokratiet.

50. KB, Thott 1279 fol., pag. 65b–66a.

51. NLR III, s. 107.

52. HHS, s. 182; HHVigf, kap. 207, s. 191: «Versir kómu einn dag með sjau skipum».

Garden Rekve (Voss 15–17) er mellom dei gardane som ikkje er kjent å ha vore Finnegods. Her pantsette Greip Ivarsson, sylemann på Færøyane, 16 laupsbol i øvre Rekve til fehirden Erlend Filippusson i 1383 (sak 240). Begge desse to kan trygt reknast til aristokratiet. Kva som seinare har hendt med denne gardparten er vanskeleg å seia. Korkje i 1661 eller i 1647 er det noko adelsgoods å finna her.⁵³ Rekve er då dels bondegods, dels sentralkyrkjeleg, dels lokalkyrkjeleg og dels krongods.

I 1338 makeskiftar ein Erlend Karlshovudsson til seg 4 mmb i Løno (Voss 66–67) frå Eirik på Finne (sak 277). Eirik på Finne må reknast til aristokratiet, medan det ikkje har lukkast å identifisera Erlend nærare. I 1647 og 1661 er det meste av Løno bondegods, medan ein mindre part er i lokalkyrkjeleg eige.⁵⁴

Om Lirhus (Voss 88) vert det i 1340 sagt at fru Ragna Marteinsdotter hadde gjeve 9 mmb i garden til kyrkja på Ullensvang i Hardanger (sak 59), ein part som prestebolet i Kinsarvik/Ullensvang framleis eig i 1647 og 1661.⁵⁵ Ein mindre part i garden var dessutan Lungegårdsgods (adelsgoods) i 1535, 1624 og 1647, men i eiga til soknepresten på Voss i 1661.⁵⁶ I 1507 er derimot denne parten mellom det Nonnesetergodset som vert overdrege til Antoniusbrørne i Bergen, og dermed kyrkjegods.⁵⁷

I 1447 (sak 369) eig ei hustru Sigrid Arnbjørnsdotter 20 mmb i Ronve (Voss 197). På bakgrunn av hustrutittelen må ho reknast til aristokratiet. I 1661 er halve garden i eiga til biskopen i Bergen (gammalt kommungods), medan den andre helvta er bondegods. I 1564 er også 5 mmb i garden i bondeige, då tre søstrer, Gunnhild, Gyrid og Sigvor Ivarsdøtrer, vert samde om fordelinga av 35 mmb som dei arva etter foreldra sine.⁵⁸ Desse 5 mmb har rimelegvis opphavet sitt i dei 20 mmb som hustru Sigrid eig 100 år tidlegare, og illustrerer dermed godt eit tilfelle der noko som må reknast som adelsgoods midt på 1400-talet har vorte bondegods midt på 1500-talet.

I Bidne (Vst 1) i Vinje sokn på Vossestrand kjøper Valtjov Bårdsson i 1345 ein part på 1 ½ mmb (sak 289). Ettersom Valtjov var gift med ei kvinne med hustrutittel, må han reknast til aristokratiet. Heile denne garden er lokalkyrkjeleg gods i nytid.⁵⁹ Litlatun (Vst 3) som også vert kjøpt av same Valtjov i 1345, er i 1661 ått av soknepresten på Voss, truleg som privatgods.

53. *Skm 1647 Hordaland*, s. 356.

54. *Skm 1647 Hordaland*, s. 360.

55. *Skm 1647 Hordaland*, s. 362.

56. NRJ IV, s. 480; NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7; *Skm 1647 Hordaland*, s. 362.

57. DN XXI, nr. 700; jf. Bendixen 1900.

58. DN XXI, nr. 442.

59. NKJ III, s. 194; *Skm 1647 Hordaland*, s. 378.

10 laupsbol i Sausjord (Vst 28) på Vossestrand vert i 1454 avstått til fru Magnhild Oddsdotter på Finne (sak 375), men garden er i hovudsak Munkelivgods i 1661, med unnatak for ein mindre del som er Apostelgods. Garden er heller ikkje å finna mellom Gørvel Fadersdatters jordegods i 1563.

Alt i alt viser eksempla frå Nordhordland og Voss at det også i mellomalderen må ha vore mykje jord i eiga til aristokratiet. Likevel må ein her stilla spørsmål om parten av adelsgods verkeleg kan ha vore like stor i mellomalderen som den var i 1661 (heile 55 %), ikkje minst ettersom det er tale om ei stor kyrkjeleg godssamling med mykje jordeigedom i området som går over frå å vera kyrkjegods like før reformasjonen til å verta adelsgods (Lungegårdsgodset, opphavleg Nonneseter klostres jordegods).

5.2.5 Bergen

Tabell 5-7. Jordeigarar i Bergen

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	23 (69,7 %)	46 (59 %)	22 (56,4 %)	91 (60,7 %)
Geistleg aristokrati	-	4 (5,1 %)	2 (5,1 %)	6 (4 %)
Fyrstelege personar	1 (3 %)	-	-	1 (0,7 %)
Lokal elite	3 (9,1 %)	19 (24,4 %)	-	22 (14,7 %)
Lokalgeistlege	-	1 (1,3 %)	-	1 (0,7 %)
Bønder	-	-	-	-
Bymenn	2 (6,1 %)	4 (5,1 %)	15 (38,5 %)	21 (14 %)
Uidentifiserte	4 (12,1 %)	4 (5,1 %)	-	8 (5,3 %)
Total	33	78	39	150

I Bergen er heile 60 % av dei private jordeigarane, eller her snarare hus- og/eller grunneigarane, rekna til aristokratiet. Dette skuldast dels at eg held det for sannsynleg at byeigedom i Skandinavias største by i mellomalderen var av stor vekt for det norske aristokratiet, ikkje minst dersom dei hadde planar om å driva med handelsverksemd. Dessutan var Bergen ein svært viktig residensby for dei norske kongane, i det minste i første delen av seinmellomalderen, noko som igjen fortel at det var ein viktig stad for dei som ville delta i det politiske livet i landet. Seinare i mellomalderen forsvinn kongane, men Bergen heldt fast på posisjonen som det viktigaste politiske sentrum i det nordafjellske Noreg gjennom å vera den vanlegaste møtestaden for den nordafjellske delen av det norske riksrådet ut gjennom heile mellomalderen. Stillinga som den økonomiske hovudstaden i Noreg var urokka i seinmellomalderen. Kjeldene fortel også at rådmennene i byen normalt tilhørte

aristokratiet i seinmellomalderen (sjå s. 62), og dette sjiktet åtte også ein heil del av bygrunnane. Geir Atle Ersland, som er den som har forska mest på grunneigedomstilhøva i Bergen, ser også ut til å rekna med at mykje av den privateigde grunneiga i Bergen tilhørte aristokratiet, sjølv om han tek atterhald for at også kjøpmenn og folk av bondeætt truleg har skaffa seg byeigedom i mellomalderen.⁶⁰

Det eldste komplette oversynet over grunneigedomsfordelinga i Bergen, er grunneboka frå 1686 som ligg i Statsarkivet i Bergen, saman med ein serie grunnebøker som også startar i slutten av 1680-åra i magistratsarkivet, no i Byarkivet i Bergen. Det meste av kronas grunneigedom i Bergen vart alt i 1671 gjeve til Barnehuset, det seinare Manufakturhuset.⁶¹ Holmsen og Bjørkvik har ikkje med tal for eigedomsfordelinga i Bergen i sitt oversyn for 1661. Likevel er endringane i grunneigetilhøva i Bergen frå seinmellomalder til siste del av 1600-talet så store og omfattande, at det er interessant å trekkja dei inn her. Ersland reknar med at private eigarar med utgangen av seinmellomalderen åtte heile 51 % av grunnane i Bergen, mot berre 27 % på slutten av 1600-talet. Kyrkja sin del av grunneigedomane gjekk på same tid ned frå 44 % til 17,5 %, medan krona derimot auka sin del frå berre 5 % ved utgangen av seinmellomalderen til heile 50,5 % på slutten av 1600-talet.⁶² Reduksjonen av den private grunneiga andsynes krona skuldast i hovudsak to tilhøve, nemleg Gørvel Fadersdatters makeskifte med kongen i 1582, og ei overføring av 1/5 av Erik Rosenkrantz (og arvingane hans) sine eigedomar til Manufakturhuset utan at ein veit når denne overføringa gjekk føre seg.⁶³

60. Ersland 1989, s. 270–274, særskilt s. 271. Jf. K. Helle 1982, s. 300 og 303.

61. SAB, Stiftamtmanden i Bergen, lnr. 2049 «Grunnebok for Bergen 1686-1696»; Bergen Byarkiv, Tilv. nr. 116. Det finnest også ei grunnebok frå starten av 1700-talet i Universitetsbiblioteket i Bergen (UBB, ms 17). Etter kongebrev dagsett den 6. oktober 1671 vart det innvilga at barnehuset i Bergen skulle nytta og oppebera 320 riksdaler i årleg inntekt av grunner og jordskyld. Alt 3. desember same år fekk barnehuset kongebrev på resten av byens grunnleiger, årleg 300 riksdaler, samt grunnleiga av Seim og Sandvikens gods, som årleg skulle gje 58 rdr 34 skilling, men av dette siste var i 1770-åra berre att 10 rdr 5 skilling som nokre borgarar i Stavanger betalte. I tillegg til dette kom grunnleiga av Mariakyrkjens prosti, årleg 12 riksdaler. «*Børnehuset*», *de Fattige Børns Opholdssted* i Bergen vart bygt i 1646 (*Stiftelser og Gavebreve i Bergens Stift* II, s. 51–53). Den 16. februar 1684 vart huset overlate til Jacob von Wida, som samstundes fekk løyve til å oppretta eit lin- og ullmanufaktur i Bergen barnehus – såleis eit Manufakturhus – mot å halda inntil 100 personar der i staden for berre 30 slik det var tidlegare (*Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge* (...) I, s. 121; *Kong Christian den Femtes skrevne Befalninger og Anordninger* (...) I, pag. 413–417; *Stiftelser og Gavebreve i Bergens Stift* II, s. 56–58). Samstundes gjekk det ut eit kongeleg reskript til direktørane over barnehuset at dei skulle halda fram med å vera direktørar over det nye Manufakturhuset, og at Jacob von Wida skulle påleggjast i føra ei ny grunnebok (*Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Norge* (...) I, s. 121; *Stiftelser og Gavebreve i Bergens Stift* II, s. 54–55).

62. Ersland 1989, s. 251–282; samandrag i Ersland 1994, s. 5.

63. Ersland 1989, s. 253.

5.2.6 Hardanger

Tabell 5-8. Jordeigarar i Hardanger

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	66 (52,8 %)	50 (34,5 %)	20 (46,5 %)	136 (43,5 %)
Geistleg aristokrati	4 (3,2 %)	-	-	4 (1,3 %)
Fyrstelege personar	-	-	-	-
Lokal elite	9 (7,2 %)	23 (15,9 %)	7 (16,3 %)	39 (12,5 %)
Lokalgeistlege	1 (0,8 %)	-	1 (2,3 %)	2 (0,6 %)
Bønder	-	-	3 (7 %)	3 (1 %)
Bymenn	1 (0,8 %)	1 (0,7 %)	-	2 (0,6 %)
Uidentifiserte	44 (35,2 %)	71 (49 %)	12 (27,9 %)	127 (40,6 %)
Total	125	145	43	313

Hardanger er området der eg har funne flest private jordeigarar i mellomalderen, med heile 313 personar, og i overkant av 43 % av desse kan reknast til aristokratiet. I 1661 var berre drøye 20 % av den privateigde jorda adelsgoods, men i Hardanger finn vi svært mange bønder som er etterkomarar etter den gamle lågadelen på bygdene. Mykje av det som i 1661 er rekna for bonde- og borgargods må dermed ha vore adelsgoods i mellomalderen. Mellom slektene som må reknast til aristokratiet i Hardanger i mellomalderen kan nemnast folket på Spåneim i Ulvik (kap. 4.19), Sandvin i Kvam (kap. 4.14), Aga i Ullensvang (kap. 4.11) og Torsnes i Jondal (kap. 4.20). Den gamle lendmannsætta frå Mel og Hatteberg i Sunnhordland (kap. 4.5) eig også ein del jord i Hardanger. Seinare i mellomalderen finn vi at Hartvig Krummedike (kap. 4.52) og Alv Knutsson (sjå s. 284) eig mykje jord her.

Skiftet på Torsnes i Jondal i 1497 (sak 491) er grundig handsama i den lokal- og slektshistoriske litteraturen, og eg ser såleis ikkje nokon grunn til å gå i detalj med omsyn til det her. Det skulle vera meir enn tilstrekkeleg å påpeika dette skiftet inneheld jordeigedomar som definitivt tilhøyrrer aristokratiet i 1497, men der ein stor del har gått over til å vera bondegods i 1647 og 1661. Både Knut Sigurd Kleppe og Asgaut Steinnes har mange eksempel på dette i artiklane deira som omhandlar dette skiftet.⁶⁴

Garden Aga (Ull 64) i Ullensvang er også mellom dei gardane som i 1661 for ein stor del er i bondeeige. Rett nok er då omlag halve garden Rosenkrantzgods, men den andre halvparten er bondegods. Av dette var igjen halvparten adelsgoods i 1647 og i eiga til Karen Mowat.⁶⁵ Her ser vi altså

64. Kleppe 1959; Steinnes 1961.

ei minking av adelsgodset berre på dei 14 åra mellom 1647 og 1661, og ein må rekna heile garden for «adelsgoods» i mellomalderen.

Lofthus (Ull 73) i Ullensvang er ein annan gard der det også kan sannsynleggjerast at ein del av eigarane i mellomalderen tilhørte aristokratiet, men der ikkje nokon av eigarane i 1661 er adelege. Då er klostra på Halsnøy og Lyse førte med kvar sine partar, medan det øvrige er delt mellom fire bønder. Så seint som i 1603 panta adelsmannen Hans Teiste bort 2 laup smør og 2 huder i Lofthus (samt 3 laup smør og 1 tønne salt i Aksnes (Vikøy 3–4) i Kvam).⁶⁶ Dette godset må ha vore arv etter Tord Benkestokk, ettersom det same jordegodset er mellom det som han arvar etter sin far i 1570.⁶⁷

Ein part i Viknes (Ulv 42) i Ulvik vart i 1429 selt av Holte Toresson (sjå s. 489; jf. sak 128), som også må reknast til aristokratiet. Kjøparen er det rimeleg å rekna til den lokale eliten. Ikkje noko i denne garden er adelsgoods i 1647 eller 1661.⁶⁸

Ingen av dei to storgardane Sandvin (Vikøy 11) eller Noreim (Vikøy 31) i Kvam, som begge var seter for aristokratar i mellomalderen, har noko adelseige i 1647 eller 1661,⁶⁹ men fleire av eigarane då kan føra slektene sine attende til eigarane i mellomalderen. Tolo (Vikøy 32) i Kvam er så seint som i 1647 mellom det som er kalla Giskegods (i dette tilfellet gammalt Finnegods),⁷⁰ men i 1661 er det sagt å tilhøyra godset etter Allehelgenskyrkja i Bergen, og har dermed vore rekna som sentral-kyrkjeleg gods. Alt på slutten av 1300-talet var heile denne garden i eiga til folket på Finne på Voss (sak 296 og 325).

Mellom jordegodset som Margreta Torbergsdotter eig i 1341, då ho giftar seg med Ivar Erlingsson av ætta på Noreim i Kvam, er partar i Aksnes (Vikøy 3–4) og Ålvik (Vikøy 75/77) i Kvam og Sætveit (Jon 32) i Jondal (sak 453). Dette jordegodset endar opp på Agder på 1500-talet der ein Gunnar Jonsson på Bringsvær i Fjære sokn ser ut til å eiga det i byrjinga av 1500-talet. Frå han endar det opp som pantegods hjå etterslekta etter Jørgen von Ansbach, borgarmeister i Skien,⁷¹ og er såleis borgargods i 1661 i eiga til sokneprest Claus Jørgensen Niemand i Drangedal.

65. *Skm 1647 Hordaland*, s. 202.

66. Innhaldet i pantebrevet frå 1603 er attgjeve i herredagsdomboka frå 1622 (*NHD: Anden Række VI*, s. 58).

67. *DN VI*, nr. 805.

68. *Skm 1647 Hordaland*, s. 182–183.

69. *Skm 1647 Hordaland*, s. 225 og 229–230.

70. *Skm 1647 Hordaland*, s. 230.

71. Jf. Finne-Grønn 1910, s. 348–349. Det er ein heil del tvist om dette såkalla Hardangergodset, og starten på den kan finnast fleire stader i *NHD 1. Række V*. Finne-Grønn fortel at då saka var oppe på tinget i Hardanger i 1667, vart det lagt fram så mykje dokumentasjon at det ikkje var rom i tingboka til å føra det inn.

Også i Hardanger er det sannsynleg at andelen av jordeigedom i eiga til aristokratiet har vore mykje større enn kva tilfellet er i 1661.

5.2.7 Sunnhordland

Tabell 5-9. Jordeigarar i Sunnhordland

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	31 (47,7 %)	35 (48 %)	21 (61,8 %)	87 (50,3 %)
Geistleg aristokrati	2 (3,1 %)	-	-	2 (1,2 %)
Fyrstelege personar	1 (1,5 %)	-	-	1 (0,6 %)
Lokal elite	8 (12,3 %)	5 (6,9 %)	-	13 (7,5 %)
Lokalgeistlege	1 (1,5 %)	-	-	1 (0,6 %)
Bønder	1 (1,5 %)	-	-	1 (0,6 %)
Bymenn	1 (1,5 %)	1 (1,4 %)	-	2 (1,2 %)
Uidentifiserte	21 (32,3 %)	32 (43,8 %)	13 (38,2 %)	66 (38,2 %)
Total	66	73	34	173

I 1661 er omlag 40 % av det privateigde jordegodset i Sunnhordland rekna som adelsgods, men til liks med tilhøva i Hardanger er mange av bondejordeigarane i 1661 etterkomarar av den gamle lågadelen på bygdene. Ein del av adelsgodset i 1661 er også for ein stor del samla saman i tidleg nytid, ikkje minst av Axel Mowat,⁷² som la grunnlaget for det som seinare vart Baroniet Rosendal under svigersonen Ludvig Rosenkrantz. Samla sett har eg identifisert omlag helvta av dei private jordeigarane i Sunnhordland i mellomalderen som aristokratar. Lendmannsætta på Mel og Hatteberg (kap. 4.5) og Hestbø-ætta (kap. 4.22) er mellom dei mest framstående, men også andre slekter som Torsnes-ætta i Jondal (kap. 4.20), og folket på Onareim på Tysnes (kap. 4.34) kan nemnast.

Store Brandvik (Stord 2) på Huglo i Stord er mellom dei gardane som i 1497 vert skifta på Torsnes i Jondal (sak 491). Denne garden er i 1661 bondegods, og i 1647 er det sagt at den er ått av oppsitjaren sjølv.⁷³ Det er eitt av mange eksempel frå Sunnhordland der seinmellomalderleg jordeigedom tilhøyrande aristokratiet, har gått over til å vera bondegods i tidleg nytid.

Eit anna eksempel på dette kan ein finna ved å setja seg inn i jordeigedomane til den såkalla Dall-ætta i Sunnhordland (og Sogn), som klårt er adeleg på reformasjonstida, og som har tallause etterkomarar mellom dei jordeigande bøndene både i Sogn og Sunnhordland på midten av 1600-talet og frametter (kap. 4.41). Lars Løberg, som har skrive om den sosiale deklasseringa av denne slekta,

72. Jf. til dømes Wiesener 1930, s. 98–100.

73. *Skm 1647 Hordaland*, s. 114.

peikar på at det faktum at Gaute Ivarsson († kring 1550) (sjå tavle 28 på s. 452) hadde minst fire barn og 19 barnebarn som vaks opp, bidrog kraftig til at det i utgangspunktet relativt store jordegodset til Gaute Ivarsson berre i løpet av to generasjonar hadde vorte fordelt på eit stort antal arvingar. Dette er nok delvis årsaka til at mange av etterkomarane hans alt i andre generasjon er rekna mellom bøndene. Illustrerande nok hadde den mindre suksessfulle bror til Gaute, Laurits/Lasse Ivarsson, ei etterslekt som var langt meir tydnadsfull i politisk samanheng, truleg nettopp av di det var mindre barnekull i etterslekta og dermed også ein tilsvarande større konsentrasjon av jordegods.⁷⁴

Ei rekkje gardar i gamle Varaldsøy kommune, som rett nok ikkje er kjeldebelagte i mellomalderen, men som er mellom gardane på skiftet etter væpnaren Trond Benkestokk i 1570, kan det vera rimeleg å rekna med var i aristokratiets eige tidlegare, i det minste ved utgangen av seinmellomalderen. Her kan nemnast gardane Furhovda (Var 6), Mundheim (Var 7), Torgilstveit (Var 8) og Leirstein (Var 10). Alle desse gardane er bonde- eller borgargods i 1661.

Riddaren Serk på Grotle selde i 1315 knappe 5 mmb i garden Tindeland (Vikeb 1) samt 1 spann og 1 mmb i Birkeland (Vikeb 10) i Vikebygd til ein Torleiv Saksesson (sak 25). I 1661 er Tindeland i eiga til soknepresten på Avaldsnes, medan Birkeland er lokalt prestebolsgods.

Gardane Gjerde (Sam 109) og Steinsland (Sam 110) i Samnanger vart i 1329 selde av riddaren Finn Ogmundsson av ætta på Hestbø i Ryfylke (sak 493). Gjerde høyrer vi ikkje meir til i mellomalderkjeldene, men den dukkar opp som lokalkyrkjeleg gods både i 1598 og 1647,⁷⁵ men er bondegods i 1661. Steinsland ser ut til å ha enda opp hjå Eindride Erlendsson av Losna-ætta, som i 1419 makeskiftar den bort til Munkeliv kloster (sak 529), som også er eigar av garden i 1647.⁷⁶ I 1661 er den derimot borgargods, og overteke av bergensrådmannen Peder Hansen.

I 1326 avstod Gudbrand Petersson på Finne mellom anna jord i gardane Kjellasvik (Fjb 114) og Romsa (Fjb 62) i Ølen til Gudrid Audfinnsdotter, enkja etter bror hans (sak 263). Av desse gardane er Romsa krongods både i 1647 og 1661,⁷⁷ medan Kjellasvik ser ut til å ha hatt noko meir turbulente eigartilhøve. I 1507 er den kan henda mellom det Nonnesetergodset som vert overdrege til Antoniusbrørne, i 1624 er den ått av Daniel Bildt, ein av arvingane etter Vincens Lunge utan at

74. Løberg 1997, s. 156–157.

75. NKJ III, s. 198; *Skm 1647 Hordaland*, s. 23.

76. *Skm 1647 Hordaland*, s. 24.

77. *Skm 1647 Hordaland*, s. 96.

garden er med i jordeboka til sistnemnte frå 1535.⁷⁸ I 1647 er den derimot sagt å vera Gallegods,⁷⁹ før den endeleg i 1661 er i eiga til biskopen i Bergen!

Som tilfellet er med dei fleste andre regionane, kan det sannsynleggjerast at også Sunnhordland hadde ein større andel adelsgods i mellomalderen enn i 1661.

5.2.8 Vanskeleg plasserbare jordeigarar

Tabell 5-10. Vanskeleg plasserbare jordeigarar

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	2	8	9	19
Geistleg aristokrati	-	-	-	-
Fyrstelege personar	-	-	-	-
Lokal elite	1	1	-	2
Lokalgeistlege	-	-	-	-
Bønder	-	-	-	-
Bymenn	-	-	-	-
Uidentifiserte	2	-	-	2
Total	5	9	9	23

I denne tabellen har det ikkje noko for seg å rekna ut prosentatsane, ettersom størstedelen av desse må reknast til aristokratiet, samstundes som det er tale om få personar. Årsaka til at eg har kategorisert desse som vanskeleg plasserbare, skuldast at det ikkje har lukkast å påvisa kva region i undersøkingsområdet jordeigedomen til desse personane har vore plassert. Det er likevel rimeleg å rekna med at dei har hatt jordeigedom innanfor det området som er undersøkt.

5.2.9 Ekskurs om kyrkjegodset

Talet for jord i eige hjå kyrkja, det vil seia den samla godsmengda i eiga til alle sentral- og loka- lkyrkjelege institusjonar, i 1500/1536 kan ein nok rekna for rimeleg påliteleg (sjå tabell 1-1 eller 6-1). Men for 1350 er saka ei heilt anna. Sjølv om den norske kyrkja åtte mykje jord alt då, er eg sterkt tvilande til at den åtte så mykje som 40 % av all jord i Noreg. Talet kan jamvel ha vore så lågt som 20–25 %, men det er trong for grundigare forskning på dette området før ein kan konkludera med noko. Ein må kunna gå ut frå at kyrkjegodset i Noreg ved Olav Digres fall på Stiklestad i 1030, og jamvel opp under år 1100, har vore omlag lik null. Det har neppe vore særskilt mykje sentral-

78. DN XXI, nr. 700; NRA, Statthaldararkivet, D IX, pk. 7. Det kan likevel tenkjast at det her er tale om Gjelsvik, gnr. 9 i Lindås i Nordhordland.

79. *Skm 1647 Hordaland*, s. 96.

kyrkjeleg gods å snakka om før etableringa av faste bispestolar og klostrer. Med omsyn til dei lokale kyrkjene har neppe desse heller hatt særskilt mykje jordegods i den første tida, ettersom ein må rekna med at dei aller fleste lokalkyrkjer i byrjinga var høgendeskyrkjer i privat eige, og at prestane ved desse kyrkjene vart løna av den lokale kyrkjeiegaren. Dermed er det lite truleg at dei lokale kyrkjene har vorte tillagt jordegods i denne tidlegaste tida. Bispestolane ser heller ikkje ut til å ha vorte faste før tidlegast under Olav Kyrre i siste del av 1000-talet, og klostrer vart ikkje oppretta i Noreg før under Magnussønene (1103–1130).⁸⁰ Dermed er det ikkje usannsynleg at det samla jordegodset i kyrkjås eige ved utgangen av 1000-talet var omlag null.

Legg vi til grunn at det samla boltalet i Noreg kring 1350 var på 330.000 mmb (inklusive det seinare Båhuslen), tyder dette at kyrkja åtte 132.000 mmb på denne tida. Tilveksten i det kyrkjelege jordegodset har med andre ord auka frå null kring 1090 til 132.000 i 1350, noko som svarar til ein årleg tilvekst i kyrkjegodset i Noreg på omlag 508 mmb per år frå 1090 til 1350. Dersom ein for samanlikninga si skuld legg til grunn det gamle boltalet på 330.000 mmb ved utgangen av mellomalderen,⁸¹ gjev Bjørkviks omlag 48 % eit samla kyrkjegods på 158.400 mmb, eller ein tilvekst på berre 26.400 mmb. Åra frå 1350 til 1530 utgjer 180 år, og nyttar ein den same reknemåten vert den årlege tilveksten berre på omlag 147 mmb. Den årlege tilveksten i kyrkjegodset i tida før 1350 vert då, relativt sett, omlag 3,5 gong så stor som den årlege tilveksten etter 1350.

No er likevel eit slikt samanlikningsgrunnlag noko urimeleg. Tilveksten i kyrkjegodset har neppe vore så jamn som eg skisserer her. Det er rimeleg å rekna med nokre «hopp» i den, særskilt med omsyn til klosterfundasjonane, til opprettinga av bispestolane og framveksten av domkapitla ved dei store kyrkjene. Men kor stort dette «fundasjonsgodset» enn kan ha vore, vil det likevel vera ei uvanleg stor tilvekst i kyrkjegodset i høg mellomalderen, samanlikna med sein mellomalderen, dersom Bjørkviks tal viser seg å vera rette. Ut over dette kan det også vera informativt å samanlikna

80. P. A. Munch 1855, s. 624; C. C. A. Lange 1856, s. 13. Jf. t. d. *HkrBA* III, Magnússona saga, kap. XIV: «Eysteinn konungr hafði mart gört í landinu, þat er nytsamligt var, meðan Sigurðr konungr var í ferðinni. Hann hóf Munklifi í Björgyn í Norðnesi ok lagði þar fé mikit til». Den engelske kronikøren Matthew Paris fortel at klosteret på Nidarholm var grunnlagt av kong Knud den mektige (Matthew Paris, *Chronica Majora*, bd. 5, s. 42: «Eodemque anno, cum pateret discrimini quoddam cœnobium in Norwegia nobile quidem, quod dicitur cœnobium Sancti Benedicti de Holm, de fundatione regis nobilissimi Cnutonis, qui et in Anglia unum cœnobium ejusdem tituli et ordinis fundaverat»; jf. Matthew Paris, *Chronicles*, s. 158), truleg kring 1028, men det er uvisst om det var kloster på staden kontinuerleg frå grunnleggjinga (jf. C. C. A. Lange 1856, s. 12).

81. Eg reknar her berre for samanlikninga si skuld, medvite med dei gamle boltala, sjølv om landskyldtytingane vart kraftig reduserte i mellomalderen. Boltala er rimeleg konstante over tid, sjølv om storleiken på landskylda endrar seg mykje, særskilt i «agrarkrisa». Dermed vert mmb godt eigna til samanlikningar over tid.

det postulerte kyrkjegodset i Noreg i mellomalderen med tilsvarende tal frå nokre øvrige europeiske land – der ein har våga å setja fram slike tal.

I Sverige (det eigentlege Sverige, dvs. eksklusive dei danske og norske landskapa Blekinge, Skåne, Halland, Båhuslen, Jemtland og Herjedalen) rekna ein med at krona kring 1500 åtte 5,6 % av all jord, adelen åtte 20,7 %, kyrkja 21,3 %, medan 52,4 % var bondegods (skattehemman). Tala i dette oversynet er etter måten gamle, publiserte i 1935 av den svenske økonomiske historikaren Eli Heckscher (1879–1952),⁸² men omlag dei same tala er nytta av den svenske historikaren Jerker Rosén (1909–1976) i 1962 og av Claus Krag i 2000.⁸³ Ved utgangen av mellomalderen åtte altså den svenske kyrkja prosentvis langt under halvta av kva den norske kyrkja åtte av jordegods i Noreg. Sjølv med ein eventuell nedgang i kyrkjegodset i seinmellomalderen, har neppe kyrkjegodset i Sverige vore prosentvis i nærleiken av dei presentsatsane ein finn i Noreg. Tala frå Sverige kan likevel vera noko misvisande, ettersom prosentfordelinga er basert på jordbruksarealet, medan dei norske tala er baserte på landskylda. Dermed er det i realiteten vanskeleg å nytta desse tala i direkte samanlikning. Den store parten bondegods skuldast i hovudsak tala frå Norrland som vart seint kolonisert, og i Dalarna var også luten av bondegods stor. I resten av landet var parten av jord i bondeeeige knapt over ein tredel. Til dømes i Östergötland, som er rekna for å vera det beste jordbruksområdet i Sverige, var delen av bondegods ikkje meir enn kring 14 %.⁸⁴

For Danmark kjenner eg ikkje landsdekkjande oversyn,⁸⁵ men Erik Kjersgaard og Johan Hvidtfeldt fortel at biskopen i Roskilde ved utgangen av mellomalderen åtte kvar fjerde gard på Sjælland.⁸⁶ Ut frå dette har neppe det samla kyrkjegodset på Sjælland vore under 30 % i 1536. Det finnest ei oppgåve for Fyn på same tid, som fortel at av dei omlag 7000 bondegardane like før 1536, åtte krona omlag 23 % (fordelt på 10 % festegardar og 13 % sjølveigargardar – dei sistnemnte var på denne tida reellt arvefestebønder under krona), kyrkja sitt samla gods var på mellom 25 og 30 %, medan dei resterande omlag 50 % av gardane var adelsgods.⁸⁷ Ein kan også her med ei rimeleg grad av visse hevda at det samla jordegodset i kyrkjeleg eige kring 1350, heller ikkje i Danmark prosentvis

82. Heckscher 1935, Bilaga IV.1.

83. Rosén 1964, s. 380; jf. Rosén i Hafström og Rosén 1962, sp. 661, der han gjev opp Heckscher som kjelde, og for 1521 har han følgjande fordeling: krona (5,5 %), adelen (21,8 %), kyrkja (21 %), bønder/skatte (51,7 %); C. Krag 2000, s. 153.

84. Jf. Bolin 1971, s. 659.

85. Jf. Poul Rasmussens utsegn i P. Rasmussen og P. Meyer 1962, sp. 656, om at «samlede summer for hele el. større dele af landet ikke kand opgives».

86. Kjersgaard og J. Hvidtfeldt 1963, s. 275.

87. Porsmose 1999, s. 185–186.

kan ha vore i nærleiken av det ein finn i Bjørkviks tal for Noreg. Men også her vil det potensielt vera problem med komparative undersøkingar, ettersom dei danske tala baserer seg på antalet gardar, og ikkje på landgilden som omlag tilsvarar den norske landskylda.

Ser ein vidare utover det nære Europa må ein til det ein må definera som koloniseringsområder for å finna tal som i det heile kjem i nærleiken av Bjørkviks tal for Noreg ved inngangen til seinmellomalderen. Til dømes er det rekna med at kyrkja åtte omlag ein tredel (33 %) av all jord i det nordtyske markgreveskapet Brandenburg kring 1250.⁸⁸ Koloniseringa av Brandenburg var ein del av den tyske *Ostsiedlung*, og har truleg vore prega av til dels store konfiskasjonar av gammalt slavisk jordegods. I tillegg var kyrkja både ein pådrivar for, såvel som den mest aktive deltakaren i koloniseringa og bureisingspolitikken av desse landområda, og ein stor del av jorda vart teken av nettopp kyrkja.⁸⁹ I Polen åtte kyrkja i 1569 omlag 25 % av all jord i republikken.⁹⁰ Her finnest det ikkje tal for mellomalderen, men dei har neppe vore høgare då. Kyrkja i Ungarn åtte relativt lite jord samanlikna med adelen og krona. I 1382 åtte den ungarske kyrkja omlag 12 % av jorda, medan dette i 1490 hadde auka til 13,5 %.⁹¹

Den vel einaste måten å få nokonlunde klårleik i spørsmålet om storleiken på jordegodset til den norske kyrkja i mellomalderen, er å gjennomgå dei kyrkjelege jordebøkene vi har overleverte frå mellomalderen, og registrera donasjonar frå namngjevne personar for deretter å freista plassera dei kronologisk. I tillegg må ein ta med alle andre opplysningar frå andre skriftlege kjelder, ikkje minst kongesogene og diplomaterialet, som fortel om donasjonar og gåver av jordegods til kyrkjelege institusjonar, både lokalt og nasjonalt. Eit slikt arbeid har det ikkje vore mogleg å gjennomføra i denne avhandlinga, men det er absolutt ei forskingsoppgåve som bør gjennomførast.

88. Carsten 1964, s. 11, med tilvising til A. F. Riedel, *Die Mark Brandenburg im Jahre 1250*, ii (1832), s. 487.

89. Carsten 1964, s. 11; jf. også Grundmann 1999 (1970), s. 260–275; Fuhrmann 1986, s. 122–125; Bartlett 1993, s. 112–113 og 297–298.

90. N. Davies 2005, s. 169.

91. Engel 2001, s. 333–334.

5.2.10 Totaloversyn for Hordaland og Sogn og Fjordane

Tabell 5-11. Jordeigarane, totaloversyn for alle regionar

Kategori	Til og med 1350	1351–1450	1451–1520	Heile perioden
Aristokrati/«adel»	213 (40 %)	155 (31,8 %)	71 (32,1 %)	439 (35,37 %)
Geistleg aristokrati	8 (1,5 %)	8 (1,6 %)	3 (1,4 %)	19 (1,53 %)
Fyrstelege personar	2 (0,4 %)	-	-	2 (0,16 %)
Lokal elite	74 (13,9 %)	93 (19,1 %)	43 (19,5 %)	210 (16,92 %)
Lokalgeistlege	12 (2,3 %)	3 (0,6 %)	2 (0,9 %)	17 (1,37 %)
Bønder	2 (0,4 %)	1 (0,2 %)	3 (1,4 %)	6 (0,48 %)
Bymenn	7 (1,3 %)	5 (1 %)	15 (6,8 %)	27 (2,18 %)
Uidentifiserte	215 (40,3 %)	222 (45,6 %)	84 (38 %)	521 (41,98 %)
Total	533	487	221	1241

For oversynets del kan det vera fruktbart å slå saman nokre av desse kategoriane. I den følgjande tabellen er det geistlege og verdslege aristokratiet, samt dei fyrstelege personan slegne saman; det lokale elitesjiktet er slege saman med dei lokalgeistlege; bønder og bymenn utgjer ein kategori. Ingen av desse samanslåingane skulle vera særskilt kontroversielle, ettersom det geistlege aristokratiet gjerne vert rekruttert frå sin verdslege motpart, og dei lokalgeistlege likeså.

Tabell 5-12. Samlekategoriar, heile tidsperioden

Kategori	Tal på jordeigarar	Prosent
Aristokrati («adel»)	460	37,07 %
Lokale elitar	227	18,29 %
Uidentifiserte	521	41,98 %
Bønder og bymenn	33	2,66 %
<i>TOTAL</i>	<i>1241</i>	<i>100 %</i>

For å minka den potensielle feilmarginen har eg i den følgjande tabellen justert ned tala for aristokratiet og dei lokale elitane med 10 % i kvar kategori, til fordel for kategorien bønder og bymenn. Valet av 10 % har delvis preg av å vera «tenk på eit tal», og eg vil stilla meg tvilande til at feilidentifikasjonane i materialet mitt kan koma opp ein så høg prosentsats. Det er tvillaust mogleg å diskutera nokre av identifikasjonane mine, men neppe meir enn nokre få prosent av dei. Likevel vel eg her å operera med ein potensiell feilmargin på 10 %, ettersom dette vil luka ut mange fleire enn dei som må karakteriserast som usikre identifikasjonar i kvar av desse to kategoriane. På denne måten kan vi etablere sikre *minimums*overslag for dei einskilde gruppene.

Tabell 5-13. Samlekategoriar, justerte tal

Kategori	Tal på jordeigarar	Prosent
Aristokrati («adel»)	414 (-46)	33,36 %
Lokale elitar	204 (-23)	16,44 %
Uidentifiserte	521 (-)	41,98 %
Bønder og bymenn	102 (+69)	8,22 %
<i>TOTAL</i>	<i>1241</i>	<i>100 %</i>

Som tabellen viser får ikkje dette den store innverknaden på den sosiale fordelinga av jordeigarane. Aristokratiet går ned frå i overkant av 37 % til omlag 33 % av jordeigarane, den lokale eliten går ned frå 18 % til 16 %, medan bønder og bymenn får auka sin del frå 2,7 % til noko over 8 %. Det står dermed fast at over ein tredel av alle private jordeigarar i undersøkingsområdet i mellomalderen må reknast til aristokratiet. Det største problemet knyter seg likevel til den store gruppa med jordeigarar som det ikkje har vore mogleg å identifisera sosialt. Det er tale om heile 521 personar, noko som utgjer omlag 42 % av heile persongalleriet. Det er rimeleg å rekna med at det gøymer seg ein heil del bønder i denne kategorien. Men kor mange det kan vera tale om, er vanskeleg å seia. Uansett kva tal ein nyttar, vil eit slikt tal ha preg av å vera rein gissing, og det har dermed lite for seg å setja opp tabellar som opererer med dette. Og sjølv om ein skulle gjera det, vil det likevel stå fast at ein tredel av dei kjende private jordeigarane i undersøkingsområdet i seinmellomalderen kan påvisast å ha vore ein del av aristokratiet, sjølv med fråtrekk av ein feilmargin på 10 %. Dessutan er det også sannsynleg at det gøymer seg personar mellom dei uidentifiserte som burde reknast til dei lokale elitane, og jamvel også folk som tilhørte aristokratiet.

Sjølv om det vil hefta seg stor uviss i å samanlikna fordelinga av sosial status mellom jordeigarane i undersøkingsområdet i mellomalderen, og jordeigedomsfordelinga i det same området i 1661, kan det vera interessant å sjå korleis desse står i høve til kvarandre. Ettersom tala til Bjørkvik for jordeigedomsfordelinga i mellomalderen er sette opp for åra 1350 og 1536, kan det dermed vera fornuftig å slå saman dei to siste periodane i mitt oversyn, slik at skiljet går ved nettopp 1350, og setja desse opp mot 1661-tala frå Landkommisjonen 1661. Ei slik samanlikning vil likevel ha eit visst preg av å vera meir ei rekneøving, enn ein reell komparasjon, men det kan likevel vera interessant å sjå korleis samhovet er. Dette medfører at eg må slå saman ei heil rekkje av kategoriar. Ettersom tala for 1661 berre femner to kategoriar, nemleg adel og bønder/borgarar, har eg i denne tabellen også slege saman kategoriane mine til berre to. Det medfører i så måte ei stor føremon i

høve til bøndene/borgarane, ettersom aristokratiet/adelen dermed berre kjem til å femna aristokrati (geistleg og verdsleg) samt fyrstelege personar. Alle dei øvrige kategoriane er slegne saman under samlekategorien bønder/bymenn, inkludert alle dei uidentifiserte. Samstundes understrekar eg at eg ikkje her har rekna inn den potensielle feilmarginen på 10 % i høve til bønder og bymenn, ettersom denne gruppa er såpass kraftig utvida i denne tabellen. Prosentsatsane står her i eit 1:1 forhold, noko som dessutan er eit svært usannsynleg samhøve.

Tabell 5-14. Proporsjonar mellom mine resultat og jordeigedomsfordelinga 1661

Kategori	Til og med 1350, antal jordeigarar	1351–1520, antal jordeigarar	1661, jordeigedomsfordeling (laup smør)
Aristokrati/«adel»	223 (41,8 %)	237 (33,5 %)	1523 (40,1 %)
«Bønder/bymenn»	310 (58,2 %)	471 (66,5 %)	3298 (68,4 %)
Total	533 (100 %)	708 (100 %)	4821 (100 %)

Som ein kan sjå er det ikkje så store skilnader, men det er heller ingen grunn til å tru at dei speglar noko som helst form for realitet i proporsjonane. Ikkje minst av di det ikkje er teke omsyn til at kvar einskild aristokrat må ha ått meir jord enn kvar einskild bonde. Det vil likevel ha lite for seg å eksperimentera med andre tal. Det vil berre utarta til reine rekneøvingar utan noko reellt innhald. Det som derimot kan vera meir fruktbart å sjå på, er nokre av dei regionvise utviklingstrekka i mitt materiale, andsynes jordeigedomsfordelinga 1661. Også her har eg slege saman dei to siste tidsperiodane i materialet mitt. Aristokrati femner som ovanfor det geistlege og verdslege aristokratiet, samt fyrstelege personar. For regionane Sunnfjord og Nordhordland er det likevel såpass lite kjeldegrunnlag, at det er vanskeleg å seia noko om desse to regionane. Av den grunn, samt at dei er slegne saman hjå Holmsen og Bjørkvik også, handsamar eg Nordhordland og Voss under eitt også med omsyn til mine resultat i denne tabellen.

Tabell 5-15. Regionale proporsjonar mellom aristokratiet i mellomalderen, og jordeigedomsfordelinga i 1661.

Region	Til og med 1350, % aristokrati	1351–1520, % aristokrati	Adelsgods 1661 i % av privateigd jordegods
Nordfjord	32,2 %	25 %	4,8 %
Sunnfjord	52 %	47 %	31,6 %
Sogn (ytre og indre)	54,6 %	43 %	26,7 %
Nordhordland og Voss	36,7 %	27,9 %	54,9 %
Hardanger	56 %	37,2 %	20,8 %
Sunnhordland	51,5 %	52,3 %	40,1 %

Ein kan merka seg at det meste av området er prega av ein nedgang i det prosentvise talet på aristokratar, med eit unntak for Sunnhordland som faktisk har ein liten auke. Det er heller ikkje naudsynleg nokon samanheng mellom regionane med lite adelsgoods i 1661 og det prosentvise talet på aristokratar i mellomalderen. Rett nok har Nordfjord dei lågaste tala i alle tre rubrikkane, men det er gjennomgåande mykje høgare prosenttal for talet på aristokratar i mellomalderen enn prosenttalet for adelsgoods i 1661. Det som også kan vera verd å merka seg er Tor Weidlings forsiktige overslag over adelsgodset i Sogn på slutten av 1500-talet, som han rekna med kunne vera på omlag 38 % (sjå s. 509). Det er ikkje så svært langt unna dei 43 % aristokratar som vi finn mellom jordeigarane i Sogn i den siste perioden. Sogn er dessutan ein av dei regionane som eg har registrert flest personar i (sjå s. 508), og som dermed kan tenkjast å gje eit betre samhøve mellom den sosiale fordelinga av jordeigarane, og jordeigedomstilhøva. Inntil det har kome fleire undersøkingar i denne og andre regionar, vil eg likevel tru at det heftar så stor uvisse ved desse potensielt proporsjonale tilhøva, at det truleg er fånyttas å nytta dei til utrekning av jordeigedomstilhøva. Det er likevel interessant å sjå at det er ein nedgang i talet på jordeigarar som tilhøyrrer aristokratiet i nesten alle regionane, og dette kan vera ein tendens som høver med den generelle utviklinga i seinmellomalderen. No er likevel også dette hefta med eit visst monn av uvisse, ettersom eg berre har registrert jordeigarane, og ikkje alle personar som kan reknast til aristokratiet i denne perioden.

Ei anna eksperimentell øving kan vera å sjå korleis den sosiale fordelinga vert dersom eg tek alle dei uidentifiserte personane, og fordeler desse på dei andre kattegoriane som det har vore mogleg å identifisera, etter den same fordelinga som desse siste (tabell 5-16). Det medfører at eg tek 37 % av dei uidentifiserte og legg til aristokratiet, 18 % vert lagt til dei lokale elitane, medan resten vert lagde til gruppa av bønder og bymenn. Dette kan tenkjast å visa ei meir reell fordeling av jordeigarane på desse samlekategoriane, ettersom det både tek omsyn til at det gøymer seg eit relativt stort antal aristokratar mellom desse uidentifiserte, noko som er sannsynleg ettersom det må reknast med ei relativt stor underregistrering av desse grunna manglande tittelbruk (sjå s. 531). På den andre sida vert det også teke omsyn til bøndene, ettersom det også er sannsynleg at det gøymer seg ein heil del bønder mellom dei uidentifiserte. Det er såleis, i høve til tabell 5-12, lagt til 193 personar i aristokratiet, 95 personar til dei lokale elitane, og dei resterande 233 er lagt til kategorien bønder og bymenn.

Tabell 5-16. Samlekategoriar av jordeigarar, med dei uidentifiserte fordelte på andre kategoriar.

Kategori	Tal på jordeigarar	Prosent
Aristokrati («adel»)	653	52,6 %
Lokale elitar	322	26 %
Bønder og bymenn	266	21,4 %
TOTAL	1241	100 %

Denne tabellen gjev ei interessant fordeling av jordeigarane på dei forskjellige kategoriane. Tala er sjølvsagt høgst usikre, som med dei andre eksperimentelle utrekningane og oversyna i dette delkapitlet. Likevel er det ikkje så urimeleg å tenkja seg at dei kan spegla eit nokså realistisk samnhøve mellom desse tre kategoriane, ikkje minst som ei følgje den alt nemnte underregistreringa av aristokratiet (sjå s. 531). Den gruppa som likevel har fått størst tilsig i denne tabellen er bønder og bymenn, der talet er auka frå 33 personar til heile 266, noko som inneber ei multiplisering med åtte (33 x 8,06) av talet på personar i denne gruppa. Dersom fordelinga av den store gruppa med uidentifiserte personar stemmer nokonlunde overeins med fordelinga ellers, vil altså over 52 % av jordeigarane i undersøkingområdet verta rekna til aristokratiet.

Kva impliserer så alt dette talmaterialet som er presentert i det føregående? Før eg går inn på det, kan det vera fornuftig å diskutera omgrepet bønder litt nærare. Det er svært vanskeleg å identifisera nokon som ein «bonde». Ein bonde har ikkje titlar ein kan halda seg til. Dette medfører at det er ein stor risiko for feilmarginar i bøndernes disfavour. Ein skal også vera varsam med å hevda at det ikkje fantest jord i bondeeige sjølv om det ikkje kan direkte påvisast at ein jordeigar var bonde, dvs. ikkje tilhørte ei av elitegruppene. Chris Wickham har peika på at nokre europeiske historikarar har hatt tydelege vanskar med å akseptera bondejordeigarar, og har snarare gått ut frå at all jordeigedom, jamvel også alle småpartane, har sitt opphav hjå aristokratiet.⁹² Slik har det ikkje vore i norsk historiografi. Her kan det undertida synast som om ein del snarare har hatt tendensar til det motsette, altså vanskar med å akseptera eksistensen av eit jordeigande aristokrati både i byen og på landsbygda. Men det er ikkje dermed sagt at alle som åtte jord tilhørte aristokratiet heller.

Eit viktig spørsmål er sjølvsagt kva Holmsen og Bjørkvik legg i omgrepet bønder, og særskilt kva Bjørkvik legg i det i samband med jordeigedomfordelinga i mellomalderen. I det heile er skiljet

92. Wickham 1992, s. 223–224: «Unless peasant proprietorship can be clearly demonstrated (which is seldom), it is assumed that documents, even for small pieces of land, usually emanated from aristocrats.»

som Bjørkvik opererer med mellom bønder og bymenn på den eine sida, og adel på den andre sida, svært diffust med omsyn til kriteria som er lagt til grunn. Eg kan ikkje sjå at dei har diskutert dette ein einaste stad, og må dermed rekna med at det er eit skilje som har sitt utgangspunkt i 1661-tala og ei tid der ein hadde ein klårt juridisk og sosialt avgrensa adelsstand som ikkje var ein realitet i mellomalderen. Dermed er det ein stor fare for at bondeomgrepet i samband med tala for jordeigedomsfordelinga i mellomalderen hjå Bjørkvik, også femner delar av det lågare sjiktet i mellomalderaristokratiet forutan heile den gråsonegruppa som eg har kalla lokale elitar. Dersom eg har rett i denne mistanken, viser det at bondeomgrepet i samband med jordeigedomsfordelinga i mellomalderen, er utan realitetsinnhald i høve til den sosiale stratifiseringa og dermed ikkje brukande hjå Bjørkvik og dei som byggjer på han. Diverre er det vanskeleg å seia noko sikkert om dette, ettersom det ikkje er noko som er diskutert på ein tilstrekkeleg måte i samband med tala for jordeigedomsfordelinga. Nokre hentydingar får ein i Bjørkviks artikkel om jordeigedom i *KLNM* frå 1962, der han ser ut til å inkludera «rike bønder, det vi kan kalla bygdekaksar, med forholdsvis høg sosial posisjon».⁹³ Diverre seier han ikkje noko meir om kva han legg i nemninga «forholdsvis høg sosial posisjon». Han skriv vidare at adelsgodset truleg var større i tida rett før Svartedauden enn kva det var ved utgangen av mellomalderen, og at fleire av lågadelsslektene gjekk til grunne i seinmellomalderen og «seig ned i bondestandet», noko som medførte at jordeigedomen deira vart bondegods. Det er heller ikkje noko som tyder på noko særskilt nyvinning for adelsgodset i seinmellomalderen, skriv han.⁹⁴ No er det mykje som tyder på at den sosiale deklasseringa av store delar av den norske lågadelen først skaut fart i tida etter reformasjonen, snarare enn i tida mellom 1350 og 1500, noko som er underbygd i artiklar både av Geirr Leistad, Tore Vigerust og Tor Weidling,⁹⁵ forutan i ei rekkje av eksempla i kapittel 4 og i dei regionale eksempla ovanfor i dette kapitlet. «Nedsiginga i bondestanden» har truleg dermed gått mest føre seg i tida etter 1536, enn i tida før. Halvard Bjørkvik har absolutt teke inn over seg i ettertid at det norske aristokratiet må ha vore monaleg større enn kva ein tidlegare har rekna med, men utan at det har fått store konsekvensar for tala hans for jordeigedomsfordelinga.⁹⁶ Desse har endra seg lite sidan 1970, sjølv om det har vore gjort mindre justeringar til fordel for aristokratiet (jf. kap. 1.3).

93. Bjørkvik 1962, sp. 665.

94. Bjørkvik 1962, sp. 667.

95. T. d. Leistad 1985b; Vigerust 1984 og 1985; Weidling 1998b og 2001b.

96. Sjå t. d. Bjørkvik 1996, s. 72–85, for eigedomsinnehavet særskilt s. 73. Talet som Bjørkvik har for adelspersonar like før 1350 er 3600 (s. 73), noko som er mykje lågare enn Geirr Leistads estimerte minimumstal på nesten 5000, basert på oppteljningane hans i seglmaterialet (Leistad 1985b, s. 36).

Eit anna moment, som kan tyda på ei viss underregistrering av aristokratiet i mellomalderen, er det som ser ut til å vera ein tendens til at rang- og tittelnemningar er nytta berre når vedkomande person opptre i ei eller anna form for offentleg ombod. Dette kan sjå ut til å vera ein tendens gjennom heile seinmellomalderen, særskilt når rangpersonane sjølve utferdar brev. Greip Ivarsson, som vi ser med herretittel i 1412, er til dømes ikkje nemnt med tittel i tre brev frå høvesvis 1383, 1398 og 1399 (sjå s. 195), sjølv om han i det minste må hatt væpnarrang alt då. Magnhild Hallkjellsdotter som opptre i 1288 utan noko som helst form for titulering, og der omtalar mannen sin som «Olav min», ville det neppe vore mogleg å identifisera nærare dersom vi ikkje hadde hatt brevet frå 1290, der det kjem fram tilstrekkeleg med opplysningar til å slutta at ho rimelegvis må ha vore ei dotter av baronen Hallkjell Krøkedans (sjå s. 199). I 1337 utferdar Erling Vidkunsson eit fullmaktsbrev der han ikkje brukar tittel, og det same gjer dottersonen Håkon Sigurdsson i 1401 (sjå s. 349). Margrete Eilivsdotter, til vanleg omtalt med fruetittel, nyttar ikkje tittel når ho avhendar jordegods til Munkeliv kloster i 1424 (sjå s. 352). Riddaren Svein Brynjulvsson opptre ikkje med tittel i eitt einaste av dei fire breva frå tida 1316–1318 då han sel jord til Munkeliv kloster. Derimot er det først i eit seinare brev at han er nemnt med herretittel, og dette brevet er typisk nok utferda av andre enn Svein Brynjulvsson (sjå s. 363). Alle desse eksempla, som det også finnest mange fleire av, gjeld riddarsjiktet og dermed personar som tilhøyrrer det øvre sjiktet i det norske aristokratiet. Når dei opptre såpass ofte utan titlar og rangnemningar, må ein spørja seg kor ofte væpnarsjiktet også gjorde dette. Riddarar har høgare rang og høgare status, og er truleg dermed oftare å finna i fleire kjelder, ettersom dei normalt har eit større virkeområde enn kva som vil vera tilfellet med dei fleste væpnarane. Kor mange av dei uidentifiserte i materialet mitt og som opptre berre ein gong i kjeldene, kan dermed tenkjast å ha tilhøyrt aristokratiet? Det er ikkje få. Det faktum at dei ikkje er nemnte med tittel eller rang, er altså på langt nær nok til at dei kan reknast mellom bøndene. Dette gjer det svært sannsynleg at det også gøymer seg aristokratar i den store gruppa av jordeigarar med uidentifisert sosial status.

Bjørkvik dreg i sitt band av *Aschehougs Norges historie* fram eit eksempel frå Ryfylke, der ein av arvingane til Foss-godset, ei godssamling i Hjelmeland som i alle fall kring 1400 tilhøyrrte aristokratiet, Odd Sevattsson på Fevoll i Hjelmeland, er omtalt. Han levde kring 1520. Både økonomisk og sosialt heva Odd Sevattsson seg godt over dei vanlege bøndene, skriv Bjørkvik. På same tid budde Sjur Matsson på Randa, som hadde væpnarstatus, og økonomisk og sosialt tilhøyrrte den same overklassen som Odd på Fevoll. Begge er smågodseigarar med solid økonomi, og tilhøyrrer det same oversjiktet på bygdene. Men Sjur Matsson er væpnar og tilhøyrrer aristokratiet, medan Odd på

Fevoll er bonde.⁹⁷ Kva er så grunnlaget for dette? I skattemanntalet 1519 er begge nemnte, men ingen av dei med titlar. Begge betalar skatt, og Sjur Matsson betalar mest.⁹⁸ Omlag det same er tilfellet i tiendepengeskatten 1521–1522, men då betalar dei omlag like mykje i skatt. Ingen er nemnte med titlar her heller.⁹⁹ Korleis veit ein då at Sjur Matsson var væpnar, medan Odd ikkje var det? Det skuldast sjølvsagt at Sjur Matsson opptrer også i andre kjelder, samt at dei kvinnene han var gift med begge er nemnte med hustrutittel, noko som er ein klår indikasjon på væpnarstatus. Dessutan er han i 1532 nemnt «aff wabenn» saman med to av brørne sine, då dei utferdar eit brev i Bergen. I dei til saman fem breva som han medutferdar mellom 1515 og 1534, er det berre i 1532 at han er nemnt væpnar. I tillegg kjem hustrutittelen hjå konene hans. Seglet til Sjur Matsson inneheld forøvrig eit bumerke. I eit brev han medutferdar i 1522 er han nemnt lagrettemann i Ryfylke,¹⁰⁰ noko som viser at også lagrettemenn framleis på 1500-talet kunne tilhøyra lågadelen. Med omsyn til Odd Sevansson på Fevoll, så opptrer ikkje han i så mange kjelder som Sjur Matsson, og er ikkje nemnt med væpnartittel i kjeldene. No er ikkje det så uvanleg. Eit større minus er det at kona hans berre er kjent frå ei yngre kjelde, og då ikkje er nemnt med hustrutittel. I mange tilfeller er koner med hustrutittel det einaste kriteriet ein har på væpnarstatus hjå mange menn i seinmellomalderen. Vi kan altså ikkje visa at Odd Sevansson var væpnar ut frå kjeldesituasjonen idag.¹⁰¹ Dermed er han per definisjon rekna som ein bonde. Dette er mildt sagt uheldig, ettersom det ikkje er mogleg ut frå kjeldesituasjonen å påvisa at han var ein bonde (dvs. ikkje-aristokrati), like lite som det er mogleg å påvisa at han tilhørte aristokratiet. Han passar dermed godt inn i den samlegruppa som eg har nemnt lokal elite, og det viser tronga for ein slik sekkekategori. Det kan jo ikkje avvisast at han kan ha tilhørt aristokratiet, ettersom det vi veit om han plasserer han i den same økonomiske overklassen som væpnaren på Randa. Og den manglande tittelbruken er eit tveegga sverd dersom ein skal nytta det åleine som eit kriterium for sosial plassering i seinmellomalderen. Dette og andre eksempel i det føregåande illustrerer godt kvifor eg meiner at skiljet som Bjørkvik opererer med mellom adel på den eine sida, og bønder/bymenn på den andre, ikkje held vatn.

Knut Dørum hevdar i si doktoravhandling frå 2004 at hans analyse av biskop Øysteins jordebok for Oslo bispedøme frå 1390-åra, avdekkjer ei svært sterk eigedomsoppsplitting i mange småpartar, og at dette igjen borgar for av hovuddelen av dei kyrkjelege småeigedomane stammar direkte frå

97. Bjørkvik 1996, s. 80.

98. NRJ II, s. 403, 407 og 409.

99. NRJ III, s. 293, 303 og 368.

100. Sjø Steinnes 1942, s. 307–315.

101. Jf. Steinnes 1950 og 1951a.

bondejordeigarar eller indirekte gjennom stormenn og storbønder. Dette vert vidare tolka som at det må ha vore eit utstrekt bondesjølveige på Romerike på 900- og 1000-talet.¹⁰² Dette er ei tolking av donasjonar som eg ikkje kan vera samd i ut frå mitt inntrykk av korleis dette var på Vestlandet. Det er svært mange eksempel på at påviselege aristokratar gav små jordpartar til kyrkjelege institusjonar, ikkje minst til lokalkyrkjer, men også til sentralkyrkjelege institusjonar. Mellom eksempla kan nemnast at lagmannen Eindride Simonsson i sitt testamente frå 1336 til dømes gav 2 mmb til Eid kyrkje i Nordfjord og 1 mmb til prestane same stad.¹⁰³ Finn Ogmundsson av Hestbø-ætta gav 1 mmb til Munkeliv kloster i 1340,¹⁰⁴ og både presten og kyrkja på Ylmeim i Sogndal fekk småpartar av riddaren Audun på Slinde og fleire andre som må reknast til aristokratiet.¹⁰⁵ Desse eksempla viser klårt at det ikkje er nokon automatisk samanheng mellom donasjonar av små eigedomspartar og låg sosial status. I staden må kvar einskild donator identifiserast sosialt før ein kan seia noko sikkert om kven som stod bak donasjonane til dei små og store kyrkjelege institusjonane.¹⁰⁶ Ikkje at eg dermed vil hevda at det ikkje fantest bønder i mellomalderen som donerte jord til kyrkjer, eller som åtte jord, men ein kan ikkje kategorisera nokon utan at det er eit grunnlag for å gjera det.

Kva så med endringane i fordelingsmønsteret av jordeigedom i seinmellomalderen? Det må ha gått føre seg store endringar i godsinnhav gjennom seinmellomalderen også. Eit jordegods er langt frå å vera ein statisk materie, det er derimot høgst dynamisk. På mange måtar kan ein seia at nemningar som Losnagodset, Giskegodset og Finnagodset er lite dekkjande, i det minste dersom ein tenkjer på nemningane som godssamlingar tilhøyrande Losna-, Giske- og Finne-ættene. Jordegodset til ei ætt endrar seg kontinuerleg, ettersom det alltid vil koma til nye eigedomar samstundes som gamle eigedomar vert selde. Dessutan vil dei fleste godssamlingar gå i oppløysing når innehavaren dør, i det minste dersom eigaren har meir enn ein eller to arvingar. Den vestnorske lågadelsetta «Dall» er eit godt eksempel på dette (sjå s. 519, samt kap. 4.41). For mellomalderen er det elles vanskeleg å finna eksempel på dette, utan at det tyder at det ikkje var vanleg, men snarare at kjeldesituasjonen er slik at det som regel er vanskeleg å følgja ei slekt over mange generasjonar,

102. Dørum 2004, s. 432.

103. *DN I*, nr. 233.

104. *DN XII*, nr. 92.

105. *BK*, pag. 33a–34a.

106. Eit noko uheldig eksempel på sosial feilidentifikasjon finn vi hjå Dørum 2004, s. 481, nr. 14, der tiendeforaktaren Håkon Toresson og hans søster Kristin er nemnt. Med ei grundigare prosopografisk undersøking ville det kome greitt fram at det her var tale om baronsonen, sylemannen og riddaren Håkon Toresson, og ikkje berre at han mest sannsynleg var «en storbonde eller en stormann».


samstundes som det er uvanleg at vi kjenner meir enn ein liten brøkdel av jordegodsinnehavet til dei einskilde personane i desse slektene i mellomalderen. Det er først med seriane av jordebøker frå 1600-talet at vi får detaljerte oversyn over jordegodset til desse folka.

Det ein kan kalla akkumulering av jordegods er det enklare å visa eksempel på. Norsk seinmellomalder og tidleg nytid gjev oss fleire slike eksempel der fleire store godssamlingar endar opp på svært få hender, primært gjennom arv. Dette har eg nedanfor freista illustrera gjennom å setja opp nokre slektstavler, som utan tvil er den enklaste måten å visa dette på. Tavle 37 nedanfor viser arvegangen til mellom anna jordegodskompleksa til ættene på Giske, Ståreim, Bjarkøy, Naustdal, Finne på Voss og Losna. Dei personane i tavla som er sirkla rundt viser arvingane etter Hans Sigurdsson til Sørums og Giske (kap. 4.17), som kvar arva ein tredel av jordegodset hans. Dette har Per-Øivind Sandberg kalkulert til å ha ei samla landskyld på 1035 laup smør.¹⁰⁷ Den som har ein avrunda rektangel, er arvingen til Ingjerd Erlendsdotter av Losna (kap. 4.32). Her markerer dei personane med stipla avrunda rektangel rundt dei andre som gjorde krav på «Losna-arven», men som til sist ikkje fekk noko. Tavla forklarar også grunnlaget for den store opphopinga av jordegods på relativt få adelsslekter i tidleg nytid. Ein tredel av det gamle Giske- og Sørumsgodset danna saman med Finne-godset på Voss grunnstamma i det store jordeigedomskomplekset til Gørvel Fadersdatter, som gradvis kom på krona sine hender i siste halvta av 1500-åra. Rømer-godset (med Audun Huggleikssons gamle gods), kom saman med ein annan tredel av Giske/Sørumskomplekset og nokre andre godssamlingar til å danna grunnstamma i jordegodset til fru Ingjerd Ottedotters etterslekt. Hennar fem svigersøner fekk såleis ein relativt mjuk start i Noreg, i det minste med omsyn til jordeigedomssinnhavar. Den siste tredelen av det gamle jordegodset etter Hans Sigurdsson, kom saman med dei austnorske godssamlingane kring mellom anna Lekum og Nesøya, og det primært vestnorske Losna-godset, til slutt i hendene på barna til Otte Holgersen (Rosenkrantz), og danna grunnstamma i det enorme jordeigedomskomplekset til Rosenkrantz- og Rantzau-slektene på 1600-talet. Ei samanrekning av landskylda til arvingane etter Erik Rosenkrantz i 1624, syner at jordegodset då utgjorde kring 3000 tønner hartkorn, noko som svarar til omlag 1333 laup smør.¹⁰⁸ Dette er 300 laup meir jordeigedom enn kva arven etter Hans Sigurdsson inneheldt.

107. Sandberg 1970, s. vi.

108. Opplysningar frå Tor Weidling. Jf. *ANSH* III, s. 334–336; Weidling 1998a, vedlegg 14, s. 499–500.

Tavle 37. Tavle som viser arvegangen til jordegodskompleksa til mellom anna ættene på Giske, Ståreim, Bjarkøy, Naustdal, Finne på Voss og Losna.¹⁰⁹




Tavle 38 på neste side viser mellom anna arvegangen til Ornes-godset i Sogn frå Erling Einarsson i Hildugard (kap. 4.25) og ned til Henrik Krummedike og Eske Bille, samt den sannsynlege arvegangen ned til Erling Einarsson. Saman med det austnorske Brunla-godset kom dette til å danna grunnstamma i eigedomskomplekset til Eske Billes arvingar på slutten av 1500-talet og byrjinga av

109. I hovudsak etter Leistad 1997, mot s. 324, og Bjørkvik 1996, s. 74 og 77–78 (tavlene der er utarbeidde av Tore H. Vigerust)

1600-talet. I adelsjordeboka til salig Eske Billes arvingar frå 1624 er jordeigedomen taksert til noko over 300 tønner hartkorn.¹¹⁰

Tavle 38. Tavle som viser arvegangen til Ornes-godset.¹¹¹



Tavle 39 nedanfor viser ein del slektsrelasjonar mellom slektene Kane, Galle, Smør, «Galtung», Benkestokk og Orm. Den byggjer i hovudsak på ei slektstavle frå 1550-åra som truleg vart sett opp i samband med forliket om arven etter jomfru Magdalena Olavsdotter på Hatteberg i 1557 og det såkalla Smør- og Galtung-godset.¹¹² Også i etterslekta her finnest det mange eksempel på jord-


110. Weidling 1998a, vedlegg 14, s. 499.

111. Forutan kjeldematerialet, er nytta *DAA* 1900, Rynning 1914, Agerholt 1927, Benedictow 1970, Magerøy 1988, Vigerust 1998, og diskusjonar med Geirr I. Leistad.

112. Sjå mellom anna Løberg 1997 og Vigerust 1997c.

eigande bønder. I hovudsak kan desse finnast mellom etterslekta til Erik Ormsson, og dei opptrer for ein stor del i Sunnhordland og Ryfylke på 1600-talet.¹¹³

Tavle 39. Slektsrelasjonar mellom slektene Kane, Galle, Smør, «Galtung», Benkestokk og Orm, og arven etter jomfru Magdalena Olavsdotter på Hatteberg.¹¹⁴



Desse eksempla på akkumulering av opphavleg fleire jordegodssamlingar på færre hender, fungerer også som ein indikasjon på eit aukande skilje innanfor aristokratiet, mellom få magnatar og eit mykje større sjikt av mellomstore og små jordeigande aristokratar i seinmellomalderen. Det ser ut til at toppsjiktet innan aristokratiet ofte giftar seg med kvarandre, særskilt ser dette ut til å gjelda dei gamle lendmannsættene frå 1200-talet. I tilfellet Giske/Sørum er det i hovudsak jordegodset etter desse slektene som vert akkumulerte på færre og færre hender. Både Bjarkøy, Giske, Sørum, Naustdal og Manvik var sete for lendmenn og/eller baronar på 1200- og 1300-talet. Også dei andre to tavlene har i hovudsak personar frå riksrådssjiktet i seinmellomalderens norske aristokrati. Såleis

113. Sjå t. d. Bakkevig 1984 I, s. 97–100.

114. Etter Vigerust 1997c og 1999a, samt egne undersøkingar.

underbygger desse eksempla at det var eit aukande skilje innanfor det norske aristokratiet i seinmellomalderen. Magnatane vart færre enn kva dei kan sjå ut til å ha vore før 1350, samstundes som dei vert monaleg mykje rikare gjennom arv og akkumulering av jordegodssamlingar. Men kor mykje dette har hatt å seia for dei lågare laga i aristokratiet er meir uvisst. Det er til dømes ein klår nedgang i talet på talet adelspersonar med våpenskjold i kjeldene etter 1350, med ein jamt fallande tendens fram mot 1440 då ein får eit nytt sterkt fall. Dette siste fallet skuldast kjeldesituasjonen, og er neppe reellt.¹¹⁵ Men samstundes er det fleire eksempel frå seinmellomalderen, og ikkje minst 1500-talet, på at påviselege aristokratar har bumerker i segla sine, som til dømes Sjur Matsson ovanfor (s. 532). Dermed er det straks meir usikkert kor mykje denne fallande tendensen i bruk av våpensagl seier om det talmessige tilhøvet i aristokratiet i seinmellomalderen. Ein viss nedgang må ein rekna med, men kor stor den har vore er enno uklårt.

Eg meiner at det føregåande har vist at det må ha eksistert eit meir talrikt aristokrati i Noreg i seinmellomalderen, enn kva det tradisjonelt har vore vanleg å hevda i norsk historiografi. Vidare meiner eg også å ha vist at dette aristokratiet sat inne med meir jordeigedom enn kva som kjem fram av dei tradisjonelle tala for jordeigedomfordelinga i Noreg. Det som vidare er sannsynleg er at kvar einskilde aristokrat eller adelsmann må ha ått monaleg meir jord enn kvar einskild jordeigande bonde gjorde. Tek ein eit minimumstal på til dømes tre gonger så mykje jordeigedom hjå eit gjennomsnittleg medlem av aristokratiet i høve til den gjennomsnittlege bondejordeigar, vil ein, sjølv om ein reknar dei øvrige to tredelane som bønder, få eit tilhøve på 3:2 i samla jordeigedom til fordel for aristokratiet. Det vil seia at aristokratiet har ått minst 60 % av den privateigde jorda i undersøkingsområdet – *dersom* samhøvet mellom dei forskjellige jordeigarsjiktka i denne undersøkinga er overførbar i høve til den samla jordeigedomfordelinga. Men det er slett ikkje sikkert at samhøvet er slik. Det kan ha vore mindre. Men det kan også ha vore større. Ei interessant samanlikning med omsyn til storleiken på jordeigedom hjå gjennomsnittsaristokraten og gjennomsnittsbonde er tilhøva i 1624, der den gjennomsnittlege «eks-lågadelege» eig heile 6,5 gonger meir enn gjennomsnittsbonden (sjå s. 568).

Geirr Leistad estimerte i 1985 at aristokratiet i Noreg like før 1350 må ha eigd *minst* 25–30 % av alt jordegods i Noreg, og 50 % av det privateigde jordegodset. Dette står etter mitt syn mykje nærare det sannsynlege talet på godsinnhavet til det norske aristokratiet i mellomalderen, enn kva dei tradisjonelle tala for jordeigedomfordelinga gjer. Men alle slike tal vil vera usikre i det ekstreme.

115. Leistad 1985b; jf. Bjørkvik 1996, s. 82.

Nokon formel som kan gje svar på moglegheita for overføringa av samhøvet mellom den sosiale statusen til jordeigarane og den samla jordeigedomsfordelinga, vil vera svært vanskeleg å finna i det norske kjeldematerialet, dersom det i det heile er mogleg å finna ein slik. Truleg er det nyttigare å sjå til det øvrige Europa for å sjå korleis samhøvet mellom jordeigar og jordeigedom kan ha vore der. Men før eg går vidare med det europeiske materialet, vil eg gå inn på nokre av problema med komparasjon.

5.3 Problematiske aspekt ved komparasjon

Western Europe in the fourteenth century was as diverse as the states of which it was composed. (...) But beyond this diversity (...) there was also unity; the medieval west was deeply rooted in a common religion and a common culture.¹¹⁶

Det knyter seg eigentleg store vanskar til komparasjon av dei grunnleggjande samfunnsstrukturane i mellomalderens Europa, og eitt av problema er sjølvsagt terminologien. Omgrep som adel og bonde er mangetydige, og det er knapt to land i Europa som legg det same tydingsinnhaldet i eit omgrep som adel, anten ein no kallar det *nobility*, *aristocracy*, *noblesse*, *szlachta* eller *Adel*. Sjølv om nemningane kan vera dei same, ikkje minst i engelsk-, fransk- og tyskspråkleg historieskriving, er tydingsinnhaldet i nemningane som regel svært prega av det nasjonale paradigmet den einskilde historikaren skriv i. Til dømes vert nemninga *nobility* i England vanlegvis nytta om det øverste sjiktet av aristokratiet, medan ein nyttar *gentry* om det lågaste sjiktet. I engelskspråkleg historieskriving i til dømes Ungarn nyttar ein derimot nemninga *nobility* om det lågaste sjiktet av aristokratiet, medan nemninga *aristocracy* vert nytta om det øvre sjiktet.¹¹⁷ Eit felleseuropeisk problem er også det å avgrensa adelen/aristokratiet nedover i høve til samfunnsgruppene under dette sjiktet.¹¹⁸

Ein fransk *paysan* i Cambrésis er heller ikkje naudsynleg det same som ein *paysan* i Guyenne, og ein gjennomsnittleg *peasant* i Kent skil seg mykje frå ein *peasant* i Northumberland. I samband med desse omgrepa møter vi i hovudsak regionanes Europa, ofte, men slett ikkje alltid, basert på gamle lovområder eller fyrstestatar. Ein kan ikkje operera med termar som spanske, franske eller italienske bønder. Derimot må ein forhalda seg til dei som kastiljanske, galiciske, aragonesiske, katalanske, milanesiske, ferrariske, pisanske, sienesiske, florentinske, tirolske, steiermarkske, württembergske, badenske, provencalske, bearnaiske, angevinske, flamske, hollandske, austfrisiske, lauenburgske, jyske, fynske eller sjællandske – for berre å nemna nokre få. I Castilla vart jamvel dei skattebetalande bøndene omtalt som vasallar, *vasallos*.¹¹⁹ I tillegg er tydingsinnhaldet i bondeomgrepet ofte like problematisk i Europa som det er i Noreg.¹²⁰

116. Rigaudière 2000, s. 17.

117. Jf. t. d. Fügedi 1982, s. 28; Schnith 1993.

118. Det finnest mange gode arbeid om adelen/aristokratiet og strukturane i det i Europa. Her kan nemnast Rössler 1965; Contamine 1976; Reuter 1979a; Bush 1983; Keen 1984; Powis 1984; M. Jones 1986; Bush 1988; Paravicini 1989–1995; Patze og Paravicini 1991; Bak 1994; Bisson 1995; Oexle og Paravicini 1996; Contamine 1997; Reuter 1997; Boulton 2000; Duggan 2000; A. Jacob 2001; Oexle 2001; Fleckenstein 2002; Coss 2003; Hechberger 2004; Crouch 2005; forutan fleire av kapitla i dei sju banda i *NCMH*.

119. MacKay 1998, s. 610.

120. Jf. t. d. Rösener 1994; Langton 1998; Rebel 1998, s. 194; T. Scott 1998b, s. 1–6; Freedman 1999.

Eigedomsomgrepet er også eit omgrep som har eit høgst varierende tydingsinnhald i europeisk historiografi.¹²¹ John Ragnar Myking har skrivne ein del i si doktoravhandling frå 2002 om det som må seiast å vera bakgrunnen for det varierte tydingsinnhaldet i eigedomsomgrepet. Den etterfølgjande diskusjonen kring formene for jordleige og eigedomsomgrepet byggjer i stor grad på dette arbeidet.¹²² I seinmellomalderen og tidleg nytid prøvde dei lærde juristane i Europa å innordna dei eksisterande leigetilhøva for jord inn i omgrepsapparatet for *ius commune*.¹²³ I samband med dette vart juristane også opptekne av ein del viktige skilnader mellom dei ulike formene for leige av jord.¹²⁴ *Ius commune* hadde i løpet av 1300-talet konsolidert posisjonen sin som del av den felles kulturen i Europa, og ut gjennom 1400-talet fekk den større og større påverknad.¹²⁵

Ei utbreidd leigeform i seinmellomalderen var arveleiga. Denne gav arvingane til leigaren arverett til bruken av jorda, og den gav også leigaren rett til å avhenda jorda til andre enn arvingane sine. Leigeforma gav dermed leigaren stor grad av kontroll med suksesjonen på jorda trass i at ei avhend- ing formelt måtte godkjennast av jordeigaren. Denne leigeforma er kjent i mange former og under mange namn, som *Erbzinsrecht* og *Bauernlehn* i Tyskland, *censive* i Frankrike og *livello* i Italia. Også den kyrkjelege leigeforma *precaria* vart rekna som ei form for arveleige. Den lærde tradisjonen såg på arveleige som ei form for *emphyteusis* der *dominium directum* tilhørte jordeigaren, medan leigaren hadde *dominium utile*. Leigeforma gav leigaren stor tryggleik og høg grad av råderett over jorda han leigde, men han måtte samstundes ta på seg mange av pliktene som var knytt til jorda.¹²⁶

Andre leigeformer fantest sjølvsagt også, som til dømes livstidsleige, men det som er det viktig- aste i samband med eigedomsomgrepet er oppdelinga av dette i *dominium directum* og *dominium utile*. Ved desse forskjellige (l)eigeformene meinte dei lærde juristane at jordeigarar og bønder hadde ei form for delt eigedomsrett til jorda bøndene leigde. Jordeigaren hadde eigedomsrett gjennom sitt *dominium directum*, medan leigaren hadde eigedomsrett gjennom sitt *dominium utile*. Problemet som oppstod var kven dei rettslærde skulle oppfatta som den *verkelege* eigaren av jorda. Den opphavlege

121. Ein djuptgåande diskusjon av eigedomsomgrepet finn ein i Schwab 1975. Jf. også Blickle 1983, samt Blickle 1987, s. 192–193 for ei kort drøfting av eigedomsomgrepet i seinmellomalderen. Sjå dessutan Rösener 1992, 1994 og 1995.

122. Myking 2002, s. 27–30. Myking byggjer igjen mykje på Coing 1985.

123. Jørn Øyrehagen Sunde, stipendiat i retts historie ved Juridisk fakultet, UiB, opplyser i ein e-post til meg at *ius commune* rett og slett tyder «den felles retten» eller «retten ein har felles.» Innhaldet i *ius commune* var romarretten slik den vart utvikla gjennom universitetsstudiet i mellomalderen. Det vil seia romarrett inspedd sedvanar og kanonisk rett, dog utan å mista karakteren av å vera romersk rett. Blandinga av romersk og kanonisk rett vart kalla *ius utri- umque*, og er noko anna. Jf. dessutan Canning 1996, s. 161; Fenger 2001, s. 80–81.

124. Myking 2002, s. 27.

125. Jf. Stein 1999, s. 74–75.

126. Myking 2002, s. 27–28.

oppfatninga i *ius commune* var at det var jordeigaren gjennom sitt *dominium directum* som var den eigentlege eigaren av jorda. I løpet av 1700-talet spreidde det seg likevel ei motsett oppfatning i Frankrike, der tanken om at det var bonden som var den eigentlege eigaren av jorda gjennom sitt *dominium utile*.¹²⁷ Det er dette som har spreidd seg til delar av europeisk historiografi, særskilt i fransk historieskriving, men ein kan sjå eksempel frå andre stader også. Til dømes er det etter alt å døma ei oppfatning av *dominium utile* som reell eigedomsrett, som ligg til grunn for Bas J. P. van Bavel's arbeid i Nederlanda, noko som gjer det uråd å nytta hans forskning til komparasjon.¹²⁸ Det same finn ein til dømes hjå Emmanuel Le Roy Ladurie i hans arbeid om Languedoc.¹²⁹ Sjølv opererer eg med ei oppfatning av eigedomsrett som må reknast som *dominium directum* (sjå s. 6), og dette medfører sjølvsagt vanskar i komparative undersøkingar med historiografiske tradisjonar som nyttar *dominium utile*. I tysk og fransk terminologi vert *dominium directum* også gjerne omtalt som *Ober-eigentum*, *la directe* eller *propriété éminente*, medan *dominium utile* gjerne er kalla *Untereigentum*, *Gewere*, *Anleit* eller *mouvance*.¹³⁰

Den tyske historikaren Eberhard Weis peika i 1970 på problema med komparative undersøkingar mellom Tyskland og Frankrike med omsyn til jordeigedomfordelinga i tidleg nytid. Også han viser til at hovudproblemet er at ein i Frankrike opererer med *Untereigentum* som eigedomsomgrep, medan ein i Tyskland nyttar *Obereigentum* som utgangspunkt for eigedomsomgrepet. Dette er forklåringa på at ein på 1700-talet finn at medan bøndene i Bayern åtte berre 4 % av jorda der, åtte bøndene i Frankrike heile 35 % av jorda der. Hadde ein nytta det franske eigedomsomgrepet på tilhøva i Bayern, seier Weis, hadde ein truleg kome fram til at bøndene haddde ått 90–95 % av jorda i Bayern.¹³¹ Etter mitt syn understrekar dette, rett nok noko ekstreme eksempelet, at det å nytta *dominium utile* som eit overordna eigedomsomgrep er fånyttas. I Noreg ville ein truleg få det same resultatet som i Bayern dersom ein nytta det.

127. Myking 2002, s. 28–29.

128. van Bavel 2001 og 2002. Jf. dessutan van Bavel og Hoppenbrouwers 2004b, s. 15, der dette kjem klårt fram. Dei snakkar der om «the tenant» som «the factual owner» av jorda. Eigedomsretten til *bruken* av jorda hjå leiglendingane er udiskutabel, men leiglendingane måtte samstundes betala ei avgift for å få denne bruksretten. Dei hevdar dessutan at det i mellomalderen var eit fråvære av det moderne eigedomsomgrepet, men slik eg har definert eigedomsomgrepet tidlegare (sjå s. 6) er dette klårt innanfor det som i mellomalderen var kalla *dominium directum*.

129. Le Roy Ladurie 1974. Andre franske undersøkingar som til dømes Bois 1976, Jacquart 1974 og Neveux 1980, opererer med det same eigedomsomgrepet. Det same gjeld Robisheaux 1998, s. 111, som viser til Weis 1970 for sine tal for det vestlege Tyskland.

130. Weis 1970, s. 2.

131. Weis 1970, s. 8–9.

Det største problemet i samband med komparative undersøkingar på jordeigedomsfordelinga i mellomalderen, er likevel at det knapt finnest andre eksempel utanfor Noreg der historikarar har våga å setja fram tal for jordeigedomsfordelinga i sin heilskap. Sjølv i England, der kjeldematerialet langt overgår det ein norsk mellomalderhistorikar nokon gong kan drøyma om å finna for Noreg, har ein vore svært tilbakehaldne med å setja fram talmateriale som dekkjer heile landet i mellomalderen. Det er i hovudsak først i tidleg nytid at ein kan finna tal for jordeigedomsfordelinga for dei fleste europeiske statsdanningane.

Eit anna vesentleg moment er dessutan dei store skilnadene i måten å rekna jordeigedom på. I Noreg nyttar ein landskylda som verdieining når ein skal seia noko om kor mykje jord einkvan eig. Det finnest knapt andre land i Europa som nyttar tilsvarande verdieiningar når ein skal seia noko om fordelinga av jordeigedom. I ekskursen om kyrkjegodset ovanfor (kap. 5.2.9) har eg peika på at det i Sverige ser ut til å vera arealet som ligg til grunn for tala for jordeigedomsfordelinga kring 1520, medan alle danske tal eg har sett for mellomalderen, byggjer på antalet gardar i eiga til dei forskjellige kategoriane av jordeigarar,¹³² og ikkje på landgilden. Dette er dei to næraste nabolanda til Noreg, og tala frå sjølv desse landa kan vera vanskelege å nytta til komparative undersøkingar med omsyn til jordeigedomsfordelinga. For Danmarks del finnest det likevel indikasjonar som tyder på eit visst samsvar mellom gardtal og landgilde. J. A. Fridericia har rekna ut at adelen i 1651 åtte omlag 33.000 gardar i Danmark, noko som svara omlag til 44 % av alle gardar. Knud J. V. Jespersen har ved hjelp av rosstenestetaksasjonane i 1620- og 1630-åra rekna ut at adelsgodset svara til noko over 250.000 tønner hartkorn, og desse to tala svarar omlag til same prosentdel av det samla jordegodset i Danmark.¹³³

Som ei følge av alle desse problematiske aspekta som er skisserte ovanfor, er det svært vanskeleg å samanlikna jordeigedomsfordelinga i Noreg med tilsvarande tal for andre europeiske statsdanningar i mellomalderen. For det første finnest det svært få slike tal for jordeigedomsfordelinga, ettersom ytterst få europeiske historikarar har våga å setja fram slike tal. For det andre, der slike tal finnest, er det som regel basert på eit heilt anna grunnlag enn den avgifta som eigaren kunne ta inn av jorda. For det tredje nyttar store delar av Europa eit eigedomsomgrep med utgangspunkt i *dominium utile*, i motsetnad til *dominium directum* som er nytta i norsk historiografi. I tillegg til dette kjem dei terminologiske vanskanane.

132. Sjø t. d. Erik Ulsigs ferske artikkel om jordeigedomstilhøva på det austlege Sjælland ved utgangen av mellomalderen, og referansane derifrå (Ulsig 2006).

133. Fridericia 1889–1890; Jespersen 1977, s. 295; C. P. Rasmussen 2001, s. 497.

Det kan likevel vera nyttig å sjå nærare på nokre av dei landa der det føreligg overslag for jordeigedomsfordelinga i mellomalderen. Sjølv om tala i seg sjølv ikkje naudsynleg kan brukast i direkte samanlikningar, er det kan henda moment i dei som kan fortelja noko om tilhøva i Noreg også. Til dømes kan det vera verd å sjå på dei proporsjonale tilhøva mellom dei ulike kategoriane av jordeigarar, eller på graderingane innanfor jordeigarkategoriane. Den viktigaste ein likevel kan få ut av det europeiske materialet, er at det kan fungera som ei form for kontrastveske som kan setja det norske materialet inn i eit noko større perspektiv, utan at dei komparative resultata naudsynleg vert målbare.

5.4 Europeiske tilhøve

Det fantest jordeigande «bønder» i Europa i seinmellomalderen, og det fantest mange fleire som hadde eit tilhøve til jordeigaren sin som var vagt, eller som var basert på rettar av typen *usufruct* som i realiteten gav leiglendingen eigedomsrett av typen *dominium utile* over jorda han dreiv. Men den overveldande majoriteten av europeiske bønder i mellomalderen åtte ikkje den jorda dei brukte,¹³⁴ i det minste ikkje som *dominium directum*. Det er ingen grunn til å tru at situasjonen i Noreg var annleis. Også her var den overveldande majoriteten av bønder korkje jordeigande eller særskilt velstående. Dei bøndene som var jordeigarar var ein elite for seg, og kan ikkje ha utgjort noko meir enn ein svært liten minoritet i eit hav av eigedomslause. Det europeiske aristokratiet, i alle sine former og variantar, åtte mykje av jorda, saman med kyrkjelege institusjonar og verdslege herskarar, anten dei no vart kalla kongar, hertugar, markgrevar eller grevar. Kor mykje dei åtte, er derimot varierende. Det same må seiast om storleiken på aristokratiet, og dei sosiale og økonomiske skilnadene innanfor aristokratiet.

5.4.1 England i seinmellomalderen

Utenfor Danmark og Sverige har Norge ikke hat saa varige og intime politiske forbindelser med noget land som med de Britiske Øer.¹³⁵

Hausten 1435 stod England åleine ved inngangen til det som skulle verta den avgjerande fasen av Hundreårskrigen.¹³⁶ Då parlamentet kom saman i oktober 1435 var heller ikkje den finansielle situasjonen god. Mange av dei faste inntektene hadde vorte pantsette, og statskassa hadde minst £22.000 i gjeld. Den 23. desember 1435 avgjorde parlamentet at det skulle skrivast ut ein ny skatt, og denne skatten skilde seg frå det som til då hadde vore vanleg. Det var delvis ein skatt av den vanlege sorten med femtendelar og tidelar, og delvis ein skatt på inntekter. Den sistnemnte delen var meint å supplera den førstnemnte, og var truleg ein naudsynt framgangsmåte for i det heile å få inn skatten. At parlamentet brukte over to månader på å verta samde om å skriva ut denne skatten, tyder på motstand mot den. Meininga med inntektsskatten var truleg at dei samfunnsgruppene som ytte lite til femtendelsskatten og tidelsskatten, skulle yta noko til militærutgiftene i det kommande året. Det som kom ut av dette var dermed ein supplerande skatt på inntekter av «Maners, Londes, Tenementz, Rents, Annuittees, Offices or any othir Possessions temporell [held] as of Fre-

134. Freedman 2000, s. 85–86.

135. Bugge 1914, s. 299.

136. Gray 1934, s. 608; E. F. Jacob 1961, s. 260–263; Tuck 1999, s. 243–246; Harriss 2005, s. 567–568; Pollard 2005, s. 25.

hold in Ingeland», og den skulle betalast ved påsketider 1436. Den minste skattbare inntekta vart sett ved £5, men denne nye skatten vart, også i motsetnad til kva som hadde vore vanleg, gradert i høve til inntekta slik at dei med høge inntekter skulle betala meir enn dei med låge inntekter. Det som er bevart av desse skattelistene, er utførlege skattelister (*particulars of accounts*) frå seksten grevskap, samt ein ekstraktrekneskap (*enrolled account*) over kor mykje som kom inn frå heile England. Dei utførlege skattelistene frå grevskapa inneheld lister over namngjevne skattytarar med deira inntekter og kor mykje dei skulle betala i skatt.¹³⁷ Ekstraktrekneskapen inneheld dessutan ei liste frå sju andre grevskap over kor mange skattytarar som betalte og kva skatteklasse dei tilhørte, slik at ein faktisk har relativt detaljerte opplysningar frå i alt 23 grevskap.¹³⁸ Ut frå desse rekneskapane gjorde H. L. Gray eit overslag over kor mange skattytarar med inntekter av jordeigedom over £5 det kunne ha vore i heile England.¹³⁹

Tabell 5-17. Inntekter frå jordeigedom i England i 1436.

Kategori	Tal på skattytarar	% av skattytarar	Inntektsgrunnlag	% av samla inntektsgrunnlag
Baronar (inntekter £400+)	51	1 %	£45.000	23 %
Riddarar (£100–£399)	183	3 %	£38.000	19 %
Riddarar (£40–£100)	750	10 %	£45.000	23 %
Væpnarar (£20–£40)	1200	17 %	£29.400	15 %
Gentlemen (£10–£20)	1600	22 %	£19.000	10 %
Yeomen (£5–£10)	3400	47 %	£19.000	10 %

I tillegg til dette reknar Gray med at talet på dei med inntekter av jordeigedom mellom 40 og 99 shilling (det gjekk 20 shilling på £1)¹⁴⁰ må ha vore minst like stort som talet på dei med inntekt mellom £5 og £10, altså minst 3400 personar. Alt i alt reknar han med at det har vore over 10.000 personar i England som hadde ei inntekt av jordeigedom på £2 eller meir i 1436.¹⁴¹

Gray meinte at desse inntektsskattelistene gav eit realistisk bilete av rikdommen til det engelske aristokratiet på 1400-talet, og at oppgåvene viste at særskilt baronklassen var fattigare enn det ein tidlegare hadde rekna med.¹⁴² Dette vart imøtegått i 1953 i ein artikkel av T. B. Pugh og C. D. Ross

137. Gray 1934, s. 609–611.

138. Gray 1934, s. 622.

139. Gray 1934; jf. Given-Wilson 1987, s. 71–73; Payling 1991, s. 1–3; Harriss 2005, s. 138, tab. 5.1.

140. Spufford 1986, s. 198.

141. Gray 1934, s. 630–631.

142. Gray 1934, s. 612 og 630.

i *Bulletin of the Institute of Historical Research*, som viste at det var monaleg underregistrering av rikdomen til baronane, og dessutan eit visst monn av overvurdering av rikdomen til delar av dei mest velståande innanfor *gentry*, det vil seia dei mest velståande riddarane.¹⁴³ Det er såleis mest å rekna for minimumstal. Men det faktum at dei same tala er nytta i det nyaste oversynsverket over engelsk historie i denne perioden,¹⁴⁴ indikerer at dei framleis vert sett på som relativt gode. Simon Payling meiner også at det har vore lagt for mykje vekt på reservasjonane som kjem fram hjå Pugh og Ross, og at dei ikkje undergrev dei overordna resultata som kjem fram hjå Gray.¹⁴⁵

Eit problem er likevel at tala frå England ikkje inkluderer dei som åtte jord til ein verdi av mindre enn £2. Det er kan henda dristig å koma med spekulasjonar med omsyn til dette, men det kan likevel vera verd å prøva ut nokre hypotetiske tal, og sjå korleis dei vil slå ut. Dersom ein tek utgangspunkt i Grays tal på omlag 10.000 personar med inntekt av jord til ein verdi av £5 eller meir, og legg til eit grovt overslag på 10.000 personar til som hadde ei inntekt av jordeigedom på under £2, får ein eit tal på omlag 20.000 personar som ein må rekna med åtte all privateigd jord i England i 1436. Eg understrekar at dette siste talet er ei gissing, men ut frå eit kalkulert folketal i England på denne tida på 2–2,5 millionar,¹⁴⁶ kan ein altså telja jordeigarsjiktet som 1 % av det samla folketalet. Dersom ein multipliserer dette talet med variablar på 4,5 og 5 for å få talet på hushaldsmedlemmer, får ein 90–100.000 som utgjer omlag 5 % av det samla folketalet,¹⁴⁷ og dersom ein tek svært kraftig i og justerer talet på jordeigarar opp til 40.000 vert det framleis ikkje meir enn maksimalt 10 % av folketalet (180–200.000) når ein inkluderer hushaldningane. Det har neppe vore fleire jordeigarar enn dette i England i 1436, og dermed kan ein operera med 200.000 som eit absolutt, og truleg godt overdrive, maksimumstal på antalet personar i jordeigarsjiktet i England i 1436.

Likevel er det meir truleg at talet har vore nærare 5 % enn 10 % av det samla folketalet. Dette vert underbygd ved at talet på *county gentry*-familiar (riddarar og væpnarar) i England på slutten av 1300-talet truleg var på mellom 2300 og 2500, noko som utgjer omlag 12.500 personar og omlag 0,5 % av eit folketal på 2,5 millionar.¹⁴⁸ Samla var truleg talet på *gentry*-familiar mellom 9.000 og

143. Jf. Pugh og Ross 1953, s. 16; Bean 1991, s. 527–529.

144. Harriss 2005.

145. Payling 1991, s. 3: «Too much weight has been attached to these necessary reservations. They are not enough to undermine Gray's basic conclusion (...)». Jf. også Kunz 2001, s. 13–15.

146. Dyer 1989, s. 4; Miller 1991b, s. 6; Dyer 2002, s. 235. Jf. R. Smith 1988.

147. For variablane, sjå R. Smith 1988, s. 190. Tala som er nytta som utgangspunkt for utrekningane er mine egne høgst spekulative tal.

148. Given-Wilson 1987, s. 71. Han skriv rett nok at 2300–2500 familiar utgjorde 0,1 % av folketalet, men dette må vera ein rein lapsus.

10.000, altså omlag 50.000 personar og 2 % av det samla folketalet i siste del av 1300-talet. Av dette utgjorde riddar- og væpnarsjiktet (inntekter mellom £20 og £100) omlag ein firedel, medan det såkalla *parish gentry* (inntekter mellom £5 og £20) utgjorde dei siste tre firedelane.¹⁴⁹ Sjiktet under *parish gentry* har eg ikkje funne tal for, men det er urimeleg å rekna med at dei har talt så mange fleire personar enn kva det samla *gentry* gjorde.

John Bean nytta i 1991 inntektsskattane frå høvesvis 1404 og 1412 for å kasta meir ljøs over eigedomsinntektene til det engelske aristokratiet, inkludert toppsjiktet i *the peerage*.¹⁵⁰ Han reknar med at den samla eigedomsmassen til alle dei verdslege jordeigarane (eksklusiv krongodset) med inntekter på £20 eller meir, kan ha vore omlag £220.000 årleg.¹⁵¹ Vidare reknar han med at krongodset i første del av 1400-talet var på omlag £30.500 årleg, eller omlag 15 % av jorda i verdsleg eige.¹⁵² Saman utgjorde, i følgje Bean, den samla jordegodsmassen i privat eige (inkludert krongodset) omlag £250.000.¹⁵³ Men eg kan ikkje sjå at Bean då reknar med inntektene til dei jordeigarane med årlege inntekter av jordeigedom svarande til mindre enn £20. Med utgangspunkt i tala frå 1436 kan ein leggja til £38.000 for dei med inntekter mellom £5 og £20 årleg, samt ein ukjend sum for dei med inntekter på mindre enn £5 årleg. For samanlikningas skuld kan ein gissa på at dette lågaste sjiktet med jordeigarar åtte omlag like mykje til saman som det *parish gentry* gjorde. Eit særskilt mykje høgare tal er usannsynleg, og truleg har det vore lågare. Eit slik overslag resulterer i den følgjande tabellen når ein ekskluderer krongodset.

Tabell 5-18. Omtrentleg fordeling av den private jordeigedomen i England i første del av 1400-talet.

Kategori	Inntekter	% av samla jordeigedom
Aristokratiet (inntekter over £20 årleg)	£220.000	74,4 %
<i>Parish gentry</i> (lokale elitar) (inntekter mellom £5 og £20)	£38.000	12,8 %
«Jordeigande bønder» (inntekter under £5)	**£38.000	**12,8 %
TOTAL	**£296.000	**100 %

Ein ser her at det tilsvarande samfunnssjiktet til det eg kategoriserer som aristokratiet i Noreg, eig tre firedelar av den privateigde jorda i England.

149. Given-Wilson 1987, s. 72–73.

150. Bean 1991, s. 528–536.

151. Bean 1991, s. 542.

152. Bean 1991, s. 544; jf. Wolffe 1971, s. 89–96. Summen hjå Bean inkluderer eigedomane til Duchy of Lancaster (£12.000) og inntektene til to enkjedronningar (£13.333), forutan det «eigentlege» krongodset (eigedomane til Duchy of Cornwall, Principality of Chester, Windsor Castle, samt land i Wales, i alt £4814).

153. Bean 1991, s. 544.

Kva så med den samla jordeigedomsfordelinga i England på same tid? I England reknar ein med at kyrkja i 1086 åtte omlag 26% av alt jordegods. Dette talet er basert på utrekningar frå Domesday Book.¹⁵⁴ Ei undersøking utført av den russiske historikaren Evgenii A. Kosminsky (1886–1959) på bakgrunn av eit studium i dei såkalla *hundred rolls* frå 1279–1280, estimerte at mengda av kyrkjeleg jordegods i dei undersøkte områda då var omlag ein tredel.¹⁵⁵ I første halvta av 1400-talet reknar Bean med at kyrkja sine samla inntekter av jordeigedom var på £126.000, og ved utgangen av mellomalderen, i 1535, åtte kyrkja noko *over* ein tredel av jorda i England.¹⁵⁶ Det kan elles sjå ut til at den relative auken i kyrkjeleg jordegods i England var høgare i perioden 1279–1350, enn kva den var i tida 1412–1535.¹⁵⁷ Dette kan synast noko overraskande, ettersom ein gjerne skulle venta at den pest- og sjukdomsplaga seinmellomalderen førte til auka religiøs glød og ein påfølgjande auke i donasjonane til kyrkja. Ein kan setja opp ein tabell som viser den omtrentlege jordeigedomsfordelinga i England i første halvta av 1400-talet. Eg må igjen understreka at alle tal er overslag, og har ein relativt stor feilmargin innebygd.

Tabell 5-19. Omtrentleg fordeling av den samla jordeigedomen i England i første del av 1400-talet.^a

Kategori	Inntekter	% av samla jordeigedom
Krongods	£30.500	6,8 % (7,4 %)
Kyrkja	£126.000	27,8 % (30,4 %)
Aristokratiet (inntekter over £20 årleg)	£220.000	48,6 % (53,2 %)
<i>Parish gentry</i> (lokale elitar) (inntekter mellom £5 og £20)	£38.000	8,4 % (9,2 %)
«Jordeigande bønder» (inntekter under £5)	**£38.000	8,4 %
TOTAL	**£452.500 (£414.500)	**100 % (100 %)

a. I parentes er prosentsatsane av dei samla inntektene eksklusive dei med inntekter under £5.


154. Lennard 1959, s. 25.

155. Kosminsky 1956, s. 109.

156. Bean 1991, s. 545.

157. Raban 1982, s. 153–157; jf. Bean 1991, s. 546.

5.4.2 Hertugdømmet Wrocław (Breslau) i Schlesien



Kart 8. Kart over hertugdømmet Wrocław (Breslau) i Schlesien i seinmellomalderen (R. Hoffmann 1989, s. 12).

Polen, mangla i hovudsak Schlesien store ikkje-fyrstelege jordeigarar. Truleg skuldast dette primært at hertugdømmet, til liks med mange andre sentraleuropeiske fyrstestatar, var relativt lite i utstrekning, og dermed ikkje hadde rom for mange store magnatar ut over dei regjerande fyrstane, som ætta frå ei sidegrein av den gamle polske kongeslekta. Dermed vart riddarskapet ståande som den samfunnsgruppa med høgast sosial status under fyrsten. Riddarskapet inkluderer både riddarar og væpnarar, men var ikkje ei lukka gruppe ettersom det i Schlesien i seinmellomalderen framleis var aksept for at fyrsten kunne gje adelskap til personar som tidlegare ikkje hadde slik status – i motsetnad til kva som var vanleg i kongedømmet Polen. Riddarskapets relasjonar til fyrsten var regulert gjennom den polske 1200-tals *ius militare*, og kring 1300 inkluderte denne *ius militare* også juridiksjonsrett over bøndene som nytta den privilegerte jordeigedommen til eigaren, men samstundes var dei privilegerte jordeigarane pliktige å gjera teneste som kavaleristar hjå fyrsten. Den schlesiske eller polske adelen var heller ikkje karakterisert ved dei store graderingane i rang, slik ein finn det

Den amerikanske historikaren Richard D. Hoffmann publiserte i 1989 eit omfattande arbeid om dei agrare strukturane i det schlesiske hertugdømmet Wrocław i seinmellomalderen, og endringane i desse strukturane over tid.¹⁵⁸

I motsetnad til kongedømmet

158. R. Hoffmann 1989. Jf. dessutan Menzel 1983 for formene av *Grundherrschaft* i Schlesien i mellomalderen.

lenger vest i Europa i seinmellomalderen. I aukande grad kom også *ius militare* i seinmellomalderen til å verta identifisert med jord og eit individs posisjon mellom dei jordeigande riddarane.¹⁵⁹

Den sosiale statusen til byborgarane, då særskilt borgarane i Wroclaw, hadde opphavet sitt i ei formell tildeling av rettar til borgarane, og ein borgar hadde både privilegier og plikter i byen. Opphavleg var borgarstatusen øyremerkte dei som budde i byen og samstundes åtte jord eller hus der, men ved inngangen til seinmellomalderen vart det mogleg også for dei som leigde husværa sine i byen å verta borgarar dersom dei kunne dekkja kostnadene med teneste i den lokale militsen. Ein ordinans frå 1374 fastsette at det var tilstrekkeleg å bu i byen, betala skatt og gjera teneste i vakt-korpset for å verta borgar i Wroclaw. Borgarskapet i Wroclaw var dermed ikkje avgrensa til ein velståande, arveleg merkantil eller tidlegare jordeigande elite mellom bybebuarane. Det fantest sjølvsagt ei leiande samfunnsgruppe, eit «patrisiat», også i Wroclaw, men denne gruppa hadde ingen formell definisjon. Rikdom kunne føra dei ambisiøse inn i denne gruppa. Det forekom også at ekteskap vart inngått mellom borgarar og riddarskapet, og borgarar kunne stundom vera adelege. Det var heller ikkje uvanleg at dei åtte jord under *ius militare*, altså med dei same privilegia som riddarskapet hadde.¹⁶⁰

Også i Schlesien fantest det eit sjikt av jordeigarar som ikkje kan plasserast i nokon av desse to statusgruppene. Nokre av desse var frie, men ikkje-adelege menn som åtte og brukte jord som dei heldt direkte frå fyrsten. Andre var landsbyleiarar (*schulzen*) eller velståande bønder som hadde fått herrerettar (*lordly rights*) utan at dei av den grunn gav opp sine plassar i landsbysamfunnet.¹⁶¹

Hertugdømmet hadde i 1300 totalt 234 busetjingar (*settlements*), i 1353 totalt 354 busetjingar, og 362 busetjingar i 1425. Av desse kjenner ein herrane (*lords*) til 163 av busetjingane i 1300, 317 i 1353, og til 291 av busetjingane i 1425. Av eigedomar (*holdings*) der ein samstundes kjenner jordeigaren (*holdings with known lordship*), har ein 207 i 1300, 579 i 1353, og 415 i 1425. Fordelinga av desse er interessant å sjå litt nærare på.¹⁶²

159. R. Hoffmann 1989, s. 158–159. Jf. dessutan Wojciechowski 1936 og 1937.

160. R. Hoffmann 1989, s. 159–160.

161. R. Hoffmann 1989, s. 161.

162. Tabellane her er ekstraherte frå R. Hoffmann 1989, s. 162–163 og 384–385. Kategorien andre inkluderer hertugane av Wroclaw, borgarane i Sroda, dei såkalla *schulzen* («landsbyleiarar»), andre frie ikkje-adelege landsbybuarar, samt personar med ukjend sosial status.

Tabell 5-20. Jordeigedomsfordelinga i hertugdømmet Wrocław i seinmellomalderen.

Jordeigar	1300	1353	1425
Geistlege korporasjonar: Tal på eigedomar	104	125	124
Geistlege korporasjonar: % av eigedomar	51 %	21 %	30 %
Adel (knightly nobles): Tal på eigedomar	48	226	118
Adel (knightly nobles): % av eigedomar	23 %	39 %	28 %
Borgarar i Wrocław: Tal på eigedomar	28	147	118
Borgarar i Wrocław: % av eigedomar	14 %	25 %	28 %
Andre: Tal på eigedomar	27	81	55
Andre: % av eigedomar	13 %	14 %	13 %

Det kan vidare vera interessant å sjå på det totale talet på jordeigarar i hertugdømmet, og korleis dette fordeler seg i høve til kor mykje av jorda dei åtte.

Tabell 5-21. Jordeigarar i hertugdømmet Wrocław i seinmellomalderen.

Jordeigar	1300	1353	1425
Geistlege korporasjonar: Tal på kjende eigarar	16	17	18
Geistlege korporasjonar: % av kjende eigarar	19 %	5 %	8 %
Geistlege korporasjonar: % av eigedomar i tabell 5-20.	51 %	21 %	30 %
Adel (knightly nobles): Tal på kjende eigarar	35	167	84
Adel (knightly nobles): % av kjende eigarar	41 %	47 %	39 %
Adel (knightly nobles): % av eigedomar i tabell 5-20.	23 %	39 %	28 %
Borgarar i Wrocław: Tal på kjende eigarar	25	97	65
Borgarar i Wrocław: % av kjende eigarar	29 %	28 %	30 %
Borgarar i Wrocław: % av eigedomar i tabell 5-20.	14 %	25 %	28 %
Andre: Tal på kjende eigarar	9	70	46
Andre: % av kjende eigarar	10 %	20 %	22 %
Andre: % av eigedomar i tabell 5-20.	13 %	14 %	13 %

Hoffmann oppsummerer desse tabellane med at det aller meste av jorda i hertugdømmet Wrocław var ått anten av kyrkjelege institusjonar, adelen eller borgarane i Wrocław. Jordeigedomen til dei geistlege institusjonane var relativt stabil, og femna kring ein tredel av jorda, i hovudsak i distriktet rundt Wrocław. Byborgarane i Wrocław auka jordeigedomsinnhøvet sitt ut gjennom seinmellomalderen frå omlag 10 % i 1300 til omlag ein tredel i 1425. Adelen kontrollerte på si side truleg meir enn kyrkja i den tidlege tida, men i 1425 ikkje meir enn 25% av jorda i hertugdømmet. Dei private jordeigarane var, uavhengig av kva status dei hadde, sjeldan svært rike på jordeigedom.¹⁶³

163. R. Hoffmann 1989, s. 170.

5.4.3 Ungarn

(...) med omsyn til fisk, overgår [dette landet] alle andre land med unnatak av Noreg, der fisk vert ete som eller i staden for brød.¹⁶⁴

Ungarn er eit nokså homogent område både politisk-geografisk og lovmessig. Ellers er det fleire interessante parallellar i utviklingstrekk i Noreg og Ungarn. Medan ungararane invaderte, plyndra og herja i Sør- og Mellom-Europa frå sist på 800-talet og gjennom det meste av 900-talet, gjorde nordmennene det same i Nord-Europa alt frå slutten av 700-talet og fram til vikingferdene ebba ut kring år 1000 eller snarare med den danske erobringa av England i 1013–1014 og 1016. Landa vart kristna omlag samstundes – kring år 1000, og det ser ut til å gå føre seg ei europeisering av aristokratiet i to bølger, først på 1200-talet, og sidan på 1400-talet. På den andre sida er Noreg og Ungarn fundamentalt forskjellige med omsyn til kultur i tidleg førkristen mellomalder. Nordmennene var primært bønder og fiskarbønder. Ungararane var derimot eit halvnomadisk folk som var sterkt kulturelt influert av dei tyrkiske folkeslaga dei hadde vore i kontakt med gjennom fleire hundreår på steppelandet.¹⁶⁵

Pål Engel skriv at den kan henda viktigaste utviklinga i historia om det ungarske samfunnet i mellomalderen «was its fundamental transformation between 1200 and 1350. In the course of this transformation the social order, which had been formed in the eleventh century, was dissolved and replaced by a profoundly different one (...)».¹⁶⁶ Den beste oversynsartikkelen om det ungarske aristokratiet i seinmellomalderen som eg har funne i engelsk språkdrakt, er ein artikkel skriven av den ungarske historikaren Erik Fügedi (1916–1992) i vårnummeret av *Journal of Family History* i 1982.¹⁶⁷ Eit djupare studium av strukturane til og utviklinga av det ungarske aristokratiet finn ein til dømes i dei to første kapitla i Fügedis bok om Elefánthy-ætta, i Elemér Máluysz sitt arbeid om utviklinga av lågadelen, i Engels historieverk om Ungarn i mellomalderen, og ikkje minst i Martin Radys bok om adel, jord og teneste, for berre å nemna nokre få av dei mange arbeida om emnet.¹⁶⁸

164. Skildring av Ungarn i *Anonymi Descriptio Europae Orientalis*, s. 46: «Est enim terra pascuosa et fertilis ualde in pane, vino, carnibus, auro et argento, preterquam noruegiam, ubi pisces comeduntur pro panibus, uel loco panis». Jf. Szende 1996, s. 141. Omsetjinga til norsk byggjer på Szendes engelske omsetjing og skil seg noko frå den latinske teksten, men tydingsinnhaldet er omlag det same.

165. Sjå til dømes *LMA*, IX, sp. 1224–1226, s. v. «Ungarn: A, I–II» av M. Takács; Bak 1982; Sedlar 1994; Engel 2001, s. 8–10; Sághy 2001, s. 452.

166. Engel 2001, s. 101–102.

167. Fügedi 1982.

168. Máluysz 1980 og 1994; Fügedi 1998; Rady 2000; Engel 2001.

Innhaldet i termen *nobilis* utvikla seg mykje gjennom mellomalderen. På 1000- og 1100-talet tydde det som regel ein av dei leiande mennene og embetsinnehavarane i krinsen rundt kongen, dei såkalla *proceres*, *principes* og *iobagiones regales*. På 1200-talet vart termen innhaldsmessig utvida til også å inkludera dei mange kongelege *servientes*, som hadde eit tilhøve til kongen uttrykt gjennom *fidelitas*. Til sist, på 1300-talet kom termen *nobilis* til å tyda rett og slett ein jordeigar, eller ein *homo possessio-natus*.¹⁶⁹

I følge Fügedi var den styrande samfunnsklassen i mellomalderens Ungarn sett saman av eit toppsjikt som han kallar aristokratiet, det vil seia rikets baronar (*barones regni*), samt det lågare sjiktet som han kallar «nobility» (*nobiles*), og som eg kallar adel i det etterfølgjande. Baronane hadde stor påverknad i dei fleste politiske sakene, og utøvde makta si gjennom kongens råd. Adelen utøvde si makt på eit meir lokalt nivå enn kva baronane gjorde. Ungarn var i mellomalderen delt i grevskap (*comitatus*), som var styrt av ein greve (*comes*) som var utnemnt av kongen og som representerte sentralmakta. Vanlegvis var denne greven identisk med ein av baronane, som sjeldan utøvde makta personleg, men som oftast var representert ved ein fullmektig (*vicecomes*) som vart valt ut frå følgjet hans. Grevskapsadelen, eller landadelen, var representert ved fire magistratar (*iudices nobilium*) som dei sjølve valde, samt fleire rettsfullmektigar, «jurors», (*iurati nobiles*). Det som utvikla seg, var eit system der sentralmakta vart tvungen til å samarbeida med det lokaladelege sjølvstyret. Skattar vart skrivne ut og kravde inn av representantar for både det kongelege kammeret og grevskapa. Den såkalla *sedes iudicaria*, vanlegvis omtalt med den forkorta nemninga *sedria*, bestod av *vicecomes* og dei fire magistratane, hadde den lågare jurisdiksjonsretten, medan landsdommarane («judges of the country») eller kongen sjølv hadde den høgare jurisdiksjonsretten, men kompetanse for alle spørsmål som vedrørte adelens eigedommar. Dommarane og kongen hadde likevel ikkje rett til å avseia dommar utan å konsultera adelen, og ofte fekk saker av denne typen si avgjerd i særskilte domstolar der dommarane var valde av adelen.¹⁷⁰

Grevskapsadelen hadde dessutan eit viktig maktinstrument gjennom prosedyrane for innsamlinga av prov, kalla *inquisitio*, som ikkje berre var ein prosedyre i samband med kriminalsaker, men også i eigedomssaker og saker vedrørande sosial status. Den lokale adelen hadde dessutan ein *de facto* rett til å avgjera saker som vedrørte adeleg status.¹⁷¹

169. Rady 2000, s. 1.

170. Fügedi 1982, s. 28–29.

171. Fügedi 1982, s. 29.

Den formelle måten å oppnå adelskap på, var frå starten av 1200-talet at kongen gav jordeigedom til ein person, eller at kongen direkte gav vedkommande ein adelstittel. Kongen kunne gje jordeigedom til kven som helst, noko som igjen gjorde mottakaren av denne gáva *ipso facto* adeleg.¹⁷²



Kart 9. Kart over Ungarn på 1400-talet (Makkai 1975, s. 112–113).

Alternativt kunne kongen inkludera ein person mellom dei såkalla *servientes regales*. I løpet av første halvta av 1200-talet vart adelskap typisk utdelt som påskjøning for krigerske bragder. Adelsbrev understrekar som regel riddarleg oppførsel *in militari armatu* under kongens banner som grunnlag for utnemninga. I siste halvdel av 1200-talet ser det ut til at dei tidlegare til dels forskjellige samfunnsgruppene av jordeigarar og kongelege tenarar smelta saman til ei einskild samfunnsgruppe, og kring 1300 hadde den jamne riddaren vorte ein godseigar (*homo possessionatus*). Dermed kom innehavet av ein fri jordeigedom, uansett kor liten denne eigedomen var, til å verta det avgjerande kriteriet for kor vidt ein person var adeleg eller ikkje. Denne utviklinga hadde to konsekvensar. For

172. Fügedi 1982, s. 29.

det første var den ungarske adelen ein relativt åpen klasse der kven som helst som var godteken av landadelen kunne verta inkluderte, anten gjennom kongeleg patronasje, gjennom tilskaffing av eigedom, eller gjennom ekteskap. For det andre var fri (det vil seia skattefri) jordeigedom det distinkte karaktertrekket ved den ungarske adelen.¹⁷³

Dei viktigaste punkta i transformasjonen av det ungarske samfunnet i retninga av eit såkalla «føydalsamfunn», var privilegia som vart gjevne til adelen og dei geistlege i Den gylne bulle i 1222 og 1231, den katastrofale effekten den mongolske invasjonen i 1241 hadde på busetnadsstrukturane, og ikkje minst den påfølgjande omdanninga av samfunnsstrukturane i samband med gjenoppbygginga etter mongolanes herjingar. Tidleg på 1300-talet forsvann dei siste restane av slavehaldet, og det store fleirtalet av folket var heretter leiglendingar som var meir eller mindre underordna krigarar, klerkar og administratorar. Jordeigarar innanfor dei tidlegare forskjellige krigarklassane vart heretter alle sett på som *nobiles*, og lovene skil dei i aukande grad frå det store fleirtalet av eigedomslause.¹⁷⁴

Med omsyn til jordeigedomfordelinga, endra den seg mykje i Ungarn i seinmellomalderen. Krongodset, som i 1382 var på heile 23 % av den samla jordeigedom, hadde i 1439 minka til 6,5 % og i 1490 til berre 4,5 %. I tillegg kom dei frie byane, og dei viktige metall- og saltgruvene. Dei som tente mest på denne minkinga i krongodset var adelen. I 1382 var omlag 50 % av all jord i Ungarn i eiga til adelen, medan dette hadde auka til opp under 70 % i 1490. Dei frie byane og distrikta til tyskarane i Transylvania auka også sin jordeigedom, men denne var likevel ikkje på meir enn 4,1 %. Jordeigedomane til dei særskilte gruppene *jász*, *székely* og kumanane var til saman på omlag 6,5 %. Det samla kyrkjegodset heldt seg på si side nokonlunde stabilt frå 1382 til 1490, med berre ein auke frå 12 til 13,5 %.¹⁷⁵

Adelen i Ungarn utgjorde ei relativt stor del av det samla folketalet, noko som ikkje er uventa når det definerande kriteriet er jordeigedom. Samla sett reknar ein med at adelen som gruppe utgjorde kring 20.000 familiar, noko som svara til mellom 3,5 og 4,5 % av det samla folketalet i Ungarn, eksklusive Slavonia (i det noverande Kroatia). Jordeigedomane var også her svært ujamnt fordelt. I 1490 reknar ein med at 32 familiar kontrollerte heile 27 % av all jord i Ungarn, 56 andre familiar åtte omlag 10 % av jorda, medan dei siste 30 % av jordeigedomene i Ungarn var fordelte på lågadelen. Denne besto av omlag 80 rike familiar, nokre hundre velstående, nokre tusen småadels-

173. Fügedi 1982, s. 29.

174. Bak 1986, s. 67.

175. Engel 2001, s. 333–334.

familiar («petty nobles») og over ti tusen marginal- eller bondeadelege familiar («peasant-nobles»). Mange av desse siste vart også dels sett på som bønder av sine rikare standsfeller, og måtte under tida også betala skatt, om enn monaleg mindre enn den vanlege bondebefolkninga. Dei fleste av dei åtte ikkje stort meir enn den garden dei sjølv budde på, og vart ofte omtalte som adelsmenn med ein einskild eigedom (*nobiles unius sessionis*).¹⁷⁶

5.4.4 Danmark

Det er i seinare tid gjennomført ein del undersøkingar i den danske adelen i seinmellomalderen og tidleg nytid, både med omsyn til jordeigedomsfordelinga totalt og den proporsjonale fordelinga av godsrikdomen innanfor den danske adelen. Mykje av den nyaste forskinga er å finna oppsummert i ein antologi som kom i 2001 på Aarhus Universitetsforlag,¹⁷⁷ ei bok som i høgste grad gjev norske historikarar grunn til å vera misunnelege på våre danske fagfellar. Samstundes fortel det noko om kor svakt adelsforskninga står i Noreg i høve til mellom anna Danmark.

Carsten Porskrog Rasmussen peikar på at dei einaste opplysningane om adeleg godsinnhav i Danmark som heilt pålitelege, er rosstenestetaksasjonane frå 1620- og 1630-åra. For Danmark viser desse stor slagside i godsfordelinga, der 1/6 av adelen åtte over helvta av jordegodset. I det heile var den danske adelen på denne tida nokså fåtallig, og nokon eigentleg fattigadel var det ikkje trong for lenger. Rasmussen viser til at det har vore vanleg å rekna med at denne skeivfordelinga i godsinnhav tok til både i seinmellomalderen og etter reformasjonen, men sjølv meiner han at godsfordelinga var like skeiv ved slutten av mellomalderen som den var kring 1630. Nokre skilnader er det likevel. Dersom ein tek omsyn til at det samla talet på adelsmenn kring 1500 var større enn det var kring 1630, og at det samla adelsgodset var omlag 15 % mindre, er det svært mykje som talar for at det var fleire godsfattige adelsmenn kring 1500 enn kva tilfellet var kring 1630. Dersom det gjekk føre seg ein konsentrasjon av godsinnhav på 1400- og 1600-talet, kan det likevel ikkje vera to faser i ein kontinuerleg prosess, skriv Rasmussen. I staden må det ha gått føre seg i bølger med ein stigande konsentrasjon fram mot 1500, dinest ein fallande konsentrasjon, og så igjen ein stigande konsentrasjon på 1600-talet. Det fenomenet at adelen vart talmessig mindre i løpet av 1500-talet, vil tendera mot å gjera godsfordelinga likare, ettersom det først og fremst var dei fattigaste som forsvann ut av adelen.¹⁷⁸

176. Engel 2001, s. 338–339.

177. Ingesman og Jensen 2001. Ole Jørgen Benedictow har det einaste norske bidraget.

178. C. P. Rasmussen 2001, s. 519.

Totalt reknar Rasmussen med at den danske adelen mellom 1412 og 1650 åtte eit samla jordegods som var konstant større enn ein tredel og mindre enn halvta, av det samla jordegodset i Danmark. Denne andelen låg likevel ikkje heilt fast, og dei omlag 250.000 tønnene med hartkorn som adelen rådde over kring 1650, er uttrykk for eit maksimum for tida mellom 1450 og 1650.¹⁷⁹

Kring 1490 reknar ein med at ein elite på kring 20 storgodseigarar, noko som svarar til omlag 3–4 % av alle adelege godseigarar i Danmark på denne tida, til saman åtte minst 6–7000 gardar eller 20–25 % av alt adelsgodt i Danmark. Dette er same konsentrasjonsgrad som kring 1630. Ein generasjon seinare var det truleg færre av desse magnatane, ettersom fleire av godssamlingane hadde vorte samla på færre hender, medan andre igjen hadde vorte splitta opp. Kring 1530 innehadde til dømes dei to magnatane Mogens Gøye og Predbjørn Podebusk åleine eigedomsrett over 6–10 % av det samla adelsgodt. Desse ekstremt rike personane utgjorde sjølvsagt berre eit lite mindretal. Men å få eit oversyn over den øvrige adelens gods er vanskelegare. Erik Ulsig har til dømes mange eksempel på fattige lågadelmenn som åtte mellom 5 og 25 gardar, men samstundes forbausande få eksempel på mellomsjiktets gods. Dette skuldast naturleg nok kjeldematerialet, som i hovudsak stammar frå den rikaste magnatadelen. Desse kastar i første rekkje ljøs over deira eige gods, samt dei som vart kjøpte ut. Desse siste var som regel den fattigaste lågadelen, medan ein kan rekna med at mellomsjiktet har vore betre i stand til å halda på både jordegods og status.¹⁸⁰ Erik Ulsig reknar med at det ser ut til å vera ein tendens at magnatane kring 1500 eig meir jordegods enn kva tilfellet var med magnatane kring 1400, noko som delvis kan skuldast ein illusjon ettersom dei godsa som utviklar seg, nettopp er kjende *fordi* dei utvikla seg.¹⁸¹

Tabell 5-22. Adelsgodsets fordeling i 11 herad i Viborg stift i 1524 (C. P. Rasmussen 2001, s. 511, tabell 3)

	Personar	Festegardar
Høgadel, lokal	4 (5 %)	296 (26 %)
Høgadel, ikkje-lokal	17 (21 %)	228 (20 %)
Øvrig adel, lokal	29 (35 %)	436 (38 %)
Øvrig adel, ikkje-lokal	32 (39 %)	182 (16 %)
Total	82 (100 %)	1142 (100 %)

Carsten Porskrog Rasmussen har gjort ei undersøking av adelsgodset i 11 herad i Viborg stift i 1524. Til saman åtte då adelen 1142 gardar, fordelt på 82 adelsmenn. Her eig høgadelen, som utgjer til

179. C. P. Rasmussen 2001, s. 498.

180. Ulsig 1968, s. 289–306; C. P. Rasmussen 2001, s. 508–510.

181. Ulsig 1968, s. 301–302.

saman 26 % av talet på adelsmenn, til saman 46 % av adelsgodset, medan den øvrige adelen eig dei resterande 54 %. Ser ein på den geografiske tilknytninga, eig den lokale adelen (både høgadel og øvrig adel som sjølv bur innanfor dei 11 herada) 64 % av adelsgodset i området, medan den ikkje-lokale adelen eig 36 %. Den største delen av adelsgodset er i eiga til den lokale øvrige adelen, som Rasmussen reknar som relativt likeleg fordelt på ei brei mellomgruppe og ei noko meir talrik gruppe på godsfattige lågadelege.¹⁸²

182. C. P. Rasmussen 2001, s. 510–514.

5.5 Kontrastering og samanlikning

I delkapittel 5.3 har eg vist at det knyter seg ein heil del problem i samband med direkte komparasjonar mellom Noreg og andre europeiske statsdanningar i mellomalderen. Dermed vil dette delkapitlet fungera meir som ei kontrastering enn ein eigentleg komparasjon eller samanlikning. Med kontrastering meiner eg her at eksempla ovanfor fungerer betre som ei slags kontrastveske som kan hjelpa med å setja resultatane mine frå Noreg inn i eit større perspektiv samstundes som dei kan fungera som interessante parallellar til det norske materialet, utan at det naudsynleg er mogleg å påvisa direkte samanhengar mellom Noreg og dei europeiske eksempla.

Eit svært interessant trekk i tabellane frå England i 1436 liknar på dei resultatane eg har funne i mitt undersøkingsområde. Tabell 5-13 viser at det eg reknar som aristokratiet utgjer omlag 33 % av jordeigarane i undersøkingsområdet. Dersom ein slår saman dei tilsvarande engelske kategoriane frå 1436 (baronar, riddarar og væpnarar i tabell 5-17) utgjer denne gruppa 30 % av skattytarane, men dei kontrollerer heile 80 % av eigedomsmassen som det vart skatta av. Dette kan indikera at mitt overslag på at det kan reknast med at den gjennomsnittlege «aristokraten» i Noreg åtte minst tre gonger så mykje jord som den gjennomsnittlege jordeigande «bonden», ikkje er heilt teke ut av lufta. Sjølv sagt var det norske aristokratiet proporsjonalt fattigare enn det engelske, men samanlikningsgrunnlaget er likevel ikkje urimeleg med omsyn til samansetjinga av det og rikdommen det sat med i høve til dei øvrige samfunnsgruppene. England er på fleire måtar eit naturleg komparasjonsgrunnlag for tilhøva i Noreg. Til dømes har folketalsutviklinga i Noreg og England mange fellestrekk, og samhovet mellom desse to nabolanda har til tider vore tette, ikkje berre i mellomalderen. Men det var også store skilnader mellom Noreg og England i mellomalderen, og ein bør også spørja seg om det er nokon særskilt grunn til tala for jordeigedomfordelinga skulle vera like i England og Noreg. Det er slett ikkje sikkert at dei har vore det. Strukturane i jordeigedom og i jordbruk var langt frå dei same i desse to landa, der det i England var eit godssystem (*manorial system*) som vi ikkje finn i Noreg. Jan Z. Titow har definert eit *manor* som eit gods (*landed estate*) som gav eigaren av det eit levebrød, samstundes som det gav han jurisdiksjon over befolkninga som budde innanfor grensene til dette. Det er dette elementet av herredømme som er forskjellen mellom eit gods og eit *manor*, for at eit gods skulle vera eit *manor* måtte det haldast som eit *manor*.¹⁸³ England er også eit markant mykje betre jordbruksland enn kva tilfellet er med Noreg.¹⁸⁴ Eit overslag over dei kyrkjelege inntek-

183. Titow 1998. Sjå dessutan Bailey 2002, særskilt første kapittel der oppbygginga og samansetjinga av godsa vert drøfta.

tene av jord kring 1300 indikerer at, målt etter verdi per kvadrat*mile*, var Wales omlag dobbelt så rikt som Irland, Skottland var 50 % rikare enn Wales, medan England var heile tre gonger så rikt som Skottland.¹⁸⁵ Kvar Noreg ville vorte plassert i denne samanlikninga er usikkert, men eg tvilar på at Noreg vil koma høgare enn til dømes Wales eller Skottland. Nesten heile Wales er eit fjell- og bakkeland, og for ein stor del fylt av Cambrian Mountains, men fjellområda er gjennomskore av fruktbare dalfører. Det aller meste av Wales ligg på over 150 meters høgde, men det høgaste punktet er ikkje høgare enn 1085 m o.h. I Skottland er det viktigaste jordbruksområdet å finna i det skotske låglandet som strekkjer seg i eit belte tvers over landet frå Firth of Clyde til Firth of Forth. Til samanlikning er nærare 70 % av Noreg land over 300 meters høgde, berre 3,2 % er jordbruksareal, 5,8 % er myr/våtmark, og 21,6 % er produktivt skogareal (moderne tal).¹⁸⁶ Sjølv med justeringar for eldre tid, vil neppe det norske agrarsamfunnet i mellomalderen gje mykje meir avkastning av jordbruket enn kva tilfellet var med Wales eller Skottland.

Kor vidt proporsjonane med omsyn til dei forskjellige samfunnsgruppene som åtte jorda i seinmellomalderen, kan ha vore relativt like i Noreg og England, er dermed svært usikkert. Ser ein på proporsjonane i England i 1436 og Danmark kring 1490, eig toppsjiktet i det danske aristokratiet, som utgjorde 3–4 % av alle adelege godseigarar på denne tida, omlag 20–25 % av det samla adelsgodset. Tek ein dei to rikaste gruppene i England i 1436, dei med inntekter over £100, utgjer denne gruppa også 4 % av skattytarane, men dei sit inne med heile 42 % av inntektsgrunnlaget som er jordeigedom. Det danske kjeldegrunnlaget er rett nok svakare enn det engelske som truleg gjev eit meir komplett bilete enn kva tilfellet er med det danske, men skilnaden er såpass stor at det borgar for eit stort monn av uvisse med omsyn til komparasjon. Det engelske toppsjiktet i 1436 eig omlag dobbelt så mykje av det samla adelsgodset samanlikna med det danske toppsjiktet i 1490. Truleg åtte det danske toppsjiktet jamvel noko mindre jord i 1436 enn kva dei gjorde i 1490.¹⁸⁷ Det er vanskeleg å seia noko direkte komparativt om det norske toppsjiktet i denne samanhengen. Når det er så stor skilnad mellom Danmark og England, som begge er gode jordbruksland, er det grunn til å rekna med skilnad mellom desse landa og Noreg også. Eg kjem likevel inn på nokre aspekt ved det norske toppsjiktet på 1400-talet i kap. 6.1.2.

184. Jf. Della Hookes artikkel «Medieval Landscapes» i *The Penguin Atlas of British & Irish History*, s. 92–95, med dei omlag 3 % av landmassene i Noreg som er brukande til jordbruk (sjå kap. 1).

185. Bruce Campbell i *The Penguin Atlas of British & Irish History*, s. 103.

186. Kjelde for arealfordelinga er *Aschehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon*.

187. C. P. Rasmussen 2001, s. 515.

Tilhøva i hertugdømmet Wroclaw stemmer overeins med dei norske tilhøva i at det er riddarskapet som utgjør toppsjiktet i samfunnet under fyrsten/kongen i seinmellomalderen. Også her er aristokratiet jamt over den største jordeigaren mellom dei private jordeigarane, sjølv om det kan sjå ut til at borgarskapet i Wroclaw tok kontroll over meir av jorda ut gjennom 1300- og 1400-talet, slik at adelen ikkje åtte meir enn omlag ein fjerdedel av jorda i hertugdømmet i 1425. Likevel utgjorde ikkje bøndene ein stor del av jordeigarsjiktet i hertugdømmet, og til liks med Bergen var fleire av borgarane i Wroclaw også adelege eller inngifta i adelslekter. Tala for jordeigedomsfordelinga i hertugdømmet baserer seg også på talet på eigedomar, og ikkje på storleiken på avgiftene som brukarane måtte betala til eigaren.

Ungarn er, som eg alt har peika på, svært forskjellig frå Noreg når ein ser på kulturen i dei to landa i mellomalderen. Ved sidan av at innbyggjarane i begge landa tilsynelatande åt mykje fisk i mellomalderen, er det likevel interessant å sjå om det er andre likskapar. Ein fundamental skilnad med omsyn til jordeigedom i Noreg og Ungarn, er at innehav av jordeigedom var det som definerte ein adelsmann i Ungarn. Dette finn ein ikkje i Noreg. Derimot er det interessant, om enn ikkje overraskande, at langt størstedelen av adelen i Ungarn åtte svært lite jord, og ikkje var så mykje meir velstående enn mange av bøndene. Dette er eit trekk ein finn over heile Europa, og det kan knapt understrekast nok gonger kor sentralt eit drag dette er ved storparten av den europeiske adelen i mellomalderen. Dei fleste adelsmann i Europa i mellomalderen var ikkje magnatar som levde livet høgt, og dreiv «conspicuous consumption» til stadig nye høgder. Snarare var dei fleste nokså fattige, og mange kunne jamvel vera fattigare enn mange velstående bønder i samfunnet. Særskilt finn ein dette i land (her skil Castilla, Polen og Ungarn seg klårt ut) der adelen utgjorde ein monaleg større del av det samla folketalet, enn kva som var vanleg i det øvrige Europa. Men også i land som Frankrike er dette gjennomgåande. Tor Weidling har trekt fram eit eksempel frå takseringa av adelen i Anjou i 1470. Her var det 842 adelsmenn, men heile 85,2 % av desse hadde ikkje evne (eller vilje) til å stilla med hest og lanse.¹⁸⁸ Langt dei fleste adelsmenn hadde ikkje ressursane til sjølv å byggja seg eit stort følgje og skaffa seg makt på den måten. Derimot var dei klientar for mektigare og rikare menn, som igjen var klientar til klientar. Likevel utgjorde desse lågare sjikta av aristokratiet ein viktig del av maktnettverka i mellomalderen, noko eg skal koma tilbake til i det avsluttande kapitlet.

Eit anna trekk som ein ser i Ungarn, og som også var eit felleseuropeisk trekk, er at aristokratiet eller adelen vart utvida ved overgangen frå høg mellomalderen til seinmellomalderen. I Ungarn kjem

188. Weidling 1998b, s. 475.

dette til uttrykk i at jordeigargruppene og dei kongelege tenestemennene og krigarane smelta saman til ei gruppe, som kring 1300 vart definert gjennom kriteriet jordeigedom. Før dette var titlar, privilegier og politisk påverknad i stor grad avgrensa til ei lita gruppe av rike og mektige personar.¹⁸⁹ Slik er det interessant å sjå kong Håkon 5's rettarbot frå 1308,¹⁹⁰ der han i realiteten avskaffar barontitlane ved å sørgja for at det ikkje lenger skal utnemnast nye baronar, i parallell til den felleseuropeiske utvidinga av aristokratiet. Det kan likevel innvendast at å avskaffa ein tittel ikkje naudsynleg inneber noko avgrensing av makt for dei rikaste og mektigaste, ettersom det ikkje ser ut til å ha gått føre seg storstilte konfiskasjonar frå toppsjiktet ut over tilfellet Audun Huggleiksson (og kan henda Bjarne Lodinsson). At riddarane no kom til å utgjera det høgaste sjiktet innanfor det norske aristokratiet, har nok likevel ført til ei viss utjamning og utviding av det politiske leiarskapet innanfor aristokratiet, ettersom toppsjiktet *vart* utvida, noko som igjen må ha medført at fleire personar fekk høve til å konkurrera om toppembeta. Desse må tidlegare for ein stor del ha vore reserverte for dei gamle lendmanns- og baronslektene, om ikkje formelt, så i alle fall reellt i eigenskap av rang og makt. I tillegg til dette kjem også det at følgesveinane til toppsjiktet også vart inkluderte i adelen eller aristokratiet i Europa i denne endringsfasen. Parallellen til dei norske herresveinane og biskopanens setesveinar er klår. Eit tilsvarande europeisk trekk er at på 1500- og 1600-talet vert adelen igjen meir lukka og sjølvavgrensande, og rekrutteringa til adelen frå lågare sosiale sjikt vert mindre og mindre. I tillegg kom dei aukande kostnadane ved å halda oppe adelskapet, både i form av krigsteneste (kostbar krigsutrusting) og vekst i det statusmotiverte forbruket.¹⁹¹ Dette er også eit moment som må ha hatt ein viss innverknad i Noreg, og saman med den krisa som reformasjonen må ha medført for det lågaste sjiktet, dels også mellomsjiktet, i det norske aristokratiet, er det ikkje tvil om at talet på adelsmenn må ha vorte kraftig desimert mellom 1536 og 1661.

189. Jf. også Weidling 1998b, s. 478.

190. K. Helle 1995, s. 190; *NGL* III, nr. 25, s. 74–81.

191. Weidling 1998a, s. 409–411; Weidling 1998b, s. 478–479.

6 Avslutning

6.1 Jordeigarar og jordeigedom

6.1.1 Kven var jordeigarane?

Eg har i denne avhandlinga gjennomgått det eg har greidd å finna av kjelder til private jordeigarar i dei moderne fylka Hordaland og Sogn og Fjordane fram til omlag 1520. I alt har eg funne 1241 namngjevne private jordeigarar, og sjølv om desse på langt nær har utgjort alle jordeigarar i undersøkingsområdet i mellomalderen, gjev den sosiale fordelinga av desse jordeigarane ein peikepinn på korleis den generelle stoda kan ha vore innan jordeigarsjiktet med omsyn til sosial status. Av dei til saman 1241 jordeigarane har eg lukkast i å identifisera den sosiale statusen til omlag 58 % av dei, medan omlag 42 % ikkje har late seg identifisera med ei rimeleg grad av visse (tabell 5-12 på s. 525). Over ein tredel av desse 1241 private jordeigarane kan også reknast til aristokratiet, sjølv dersom eg trekkjer frå ein potensiell og svært høg feilmargen på 10 % (tabell 5-13 på s. 526). I tillegg har eg identifisert noko over 18 % som tilhøyrande eit lokalt elitesjikt, ein kategori som på mange måtar må fungera som eit sekkeomgrep og som dermed femner både aristokratar og ikkje-aristokratar («bønder og bymenn»). Det gøymer seg tvillaust mange ikkje-aristokratar mellom dei uidentifiserte jordeigarane også, men det at kjeldene ikkje gjev opplysningar som kan hjelpa til å seia noko om den sosiale statusen til ein person, er sjølv sagt ikkje det same som at den same personen var ein «bonde». Dermed vert naturleg nok denne kategorien av ikkje-identifiserbare stor, men likevel ikkje så stor som ein kanskje kunne venta ettersom det framleis står att som eit faktum at det faktisk har vore mogleg å identifisera eit fleirtal av dei private jordeigarane sosialt. Tabell 5-16 på s. 529 viser ein freistnad på ei fordeling av desse uidentifiserte etter den same fordelingsnøkkelen som eg har funne for dei identifiserbare jordeigarane. Då kjem prosenttalet for aristokratiet opp i over 52 % av jordeigarane.

Metoden som er nytta for å få fram desse resultata er dels klassiske historiske hjelpevitenskapar som genealogi, heraldikk og ikkje minst prosopografi, og dels tolking av dei prosopografiske og biografiske opplysningane som kjem fram i kjeldene i ljøs av samfunnsvitenskaplege metodar og teoriar kring makt og sosial stratifikasjon. Kvar einskild person har vorte freista identifisert sosialt på

individuell grunnlag ut frå dei opplysningane som det har vore mogleg å trekkja ut av kjelde-materialet. På denne måten meiner eg å ha sannsynleggjort resultatane av undersøkingane mine i den sosiale statusen til jordeigarsjiktet slik det kjem fram i kap. 4 og 5. Ein del av fallgruvane og potensielle feilkjelder i undersøkinga mi og resultatane av den har eg drøfta på side 496 og utetter.

Det som også står att som eit viktig resultat, er at over ein tredel av desse private jordeigarane må reknast til aristokratiet. Kvar einskilde aristokrat eller adelsmann må ha ått monaleg meir jord enn det kvar einskild jordeigande «bonde» gjorde. Det å setja fram tal på dette er hefta med så stor uvisse at eg ikkje vil gjera det her. Ikkje minst vil det hefta uvisse med omsyn til proporsjonane innanfor jordeigarsjiktet, og det må ha vore store skilnader også innanfor aristokratiet med omsyn til kor mykje jord den einskilde åtte. Nokre få var svært rike, eit stort mellomstikt var moderat rike, og det lågaste sjiktet truleg nokså fattige samanlikna med sine øvrige «standsfeller», men sjølv sagt mykje betre stilte enn det store fleirtalet av folket. Dette lågaste sjiktet har truleg utgjort det langt største med omsyn til talet på personar, men har samla rimelegvis ått mindre av det samla jordegodset som var i eiga til aristokratiet. Skal ein drista seg til ei samanlikning med tilhøva i England er det i det minste mykje som tyder på at det kan ha vore slik (tabell 5-17 på s. 546). I England kan det elles sjå ut til at den omlag same gruppa som eg reknar til aristokratiet i Noreg åtte omlag tre firedelar av all privateigd jord i England (sjå tabell 5-18 på s. 548). Alt i alt er det mykje som peikar i retning av at dette sjiktet må ha ått monaleg mykje meir jord også her i landet, enn kva det tidlegare har vore vanleg å rekna med, men om proporsjonane kan svara til dei engelske er meir usikkert.

Korleis står så desse resultatane i høve til dei tala for jordeigedomfordelinga som det er vanleg å referera til for mellomalderens Noreg? Tabellen nedanfor viser dei tradisjonelle tala for jordeigedomfordelinga i Noreg ved inngangen til og utgangen av seinmellomalderen.

Tabell 6-1. Presumptiv jordeigedomfordeling i Noreg i seinmellomalderen (Bjørkvik 1970/1996; jf. også s. 10)

<i>Eigar</i>	<i>Eigedom 1350 i %</i>	<i>Eigedom 1500/1536 i %</i>
Krona	7 %	7 %
Adelen	20 %	15 %
Kyrkja	40 %	48 %
Bønder og bymenn	33 %	30 %

Først er det å seia at sjølv om dei resultatane som eg har kome fram til indikerer at det norske aristokratiet i mellomalderen må ha ått monaleg mykje meir jord enn kva «bøndene» gjorde, er det ikkje mogleg ut frå mine tal å setja opp tal for den totale jordeigedomfordelinga i mellomalderen.

Dermed vert dei tradisjonelle tala for jordeigedomsfordelinga korkje sannsynleggjorte eller falsifiserte, men dette er omlag som venta. Eg er i utgangspunktet skeptisk til at ein i det heile kan operera med tal for jordeigedomsfordelinga i Noreg for mellomalderen, i det minste ikkje før reformasjonstida.¹ Kjeldegrunnlaget er altfor tynt til at dette kan gjerast med noko form for visse. Tala som Bjørkvik har for jordeigedomsfordelinga kring 1350 kan påvisast å vera langt frå gode nok. Det privateigde jordegodset i 1350 har Bjørkvik talfesta til omlag 53 % av all jord i Noreg, noko eg meiner må vera i minste laget, og kyrkjegodset er truleg sett for høgt (40 %). Dette har eg drøfta nærare i kap. 5.2.9. Dei største problema med tala for både 1350 og 1500/1536 ligg likevel i det skiljet Bjørkvik har mellom adelen på den eine sida, og bønder og bymenn på den andre. Eg ser ikkje nokon grunn til å akseptera korkje skiljet mellom bønder og adel eller talmaterialet som vert presentert for mellomalderen kring 1350. Kriteria som er nytta for å skilja bønder og bymenn frå det verdslege aristokratiet, er også vanskelege å få auga på, noko eg drøftar i det følgjande delkapitlet. Dermed vert det einaste forsvarlege å nytta ei felles nemning som til dømes private jordeigarar for begge desse kategoriane, inntil det er råd å skilja dei på eit betre grunnlag (jf. kap. 1.3.2). Til no har det ikkje vore mogleg å gjera dette samstundes som ein kan gje eit truverdig oversyn over den totale jordeigedomsfordelinga. Mi undersøking viser at det til dels er mogleg å identifisera delar av aristokratiet, og delvis definera denne samfunnsgruppa, men at det på same tid er svært vanskeleg å identifisera «bøndene». Dette tyder sjølvsagt ikkje at det ikkje fantest «bønder» som samstundes også var jordeigarar, men det viser at det enno ikkje er forsvarleg å operera med eit skilje mellom «bøndene» og aristokratiet med omsyn til den totale jordeigedomsfordelinga.

6.1.2 Oppsummering

Med omsyn til tala for jordeigedomsfordelinga i Noreg i mellomalderen, særskilt dei for tida kring 1350, har det føregåande vist at det i seinare tid er sett fram kritikk mot dei, og at det er grunnlag for ein slik kritikk. Hovudproblemet er likevel ikkje tala i seg sjølve, som kan vera eit greitt utgangspunkt for forskning, men snarare den ukritiske attgjevinga av desse tala i den historiske litteraturen frå dei siste 40 åra. Det kan likevel vera verd å sjå på nokre få eksperimentelle utrekningar her også.

Det er ikkje så mange personar som kan reknast mellom dei verkeleg store magnatane i Noreg på slutten av 1400-talet. Per-Øivind Sandbergs undersøking av jordegodskomplekset til junker Hans Sigurdsson til Sorum og Giske († 1466) som vart skifta i 1490, viser at han var den suverent

1. Rett nok har eg gjort det i Ugulen 2005, men tala der er tekne med stort atterhald, og eg understrekar nok ein gong at dei berre bør nyttast som eit utgangspunkt for forskning, slett ikkje som resultat av forskning.

største godseigaren i Noreg på den tida. Dette jordegods komplekset var svært stort også i svensk og dansk målestokk, og det er ikkje å undra seg over at junker Hans vart sett på som eit passande gifte for ei dotter av ein av dei mektige Axelssønene. Han åtte meir enn dobbelt så mykje jord som til dømes Hartvig Krummedike, som også må reknast mellom dei verkeleg store norske magnatane på 1400-talet. Men ein slik rikdom på jordeigedom som desse to sat inne med, er utypisk for det norske aristokratiet i seinmellomalderen.² Det har neppe eksistert menn i Noreg i mellomalderen som kan måla seg med Hans Sigurdsson med omsyn til storleik på privateigedom. Dersom Halvard Bjørkvik har rett i at det norske krongodset ved utgangen av mellomalderen utgjorde omlag 7,5 % av den samla jordeigedom i Noreg,³ svara dette til omlag 4350 laup smør.⁴ Junker Hans Sigurdsson åtte omlag 1035 laup smør, som dermed svarar til omlag 1,8 % av den samla norske jordeigedom dersom ein held seg til 58.000 laup smør som overslag for denne. Det same reknestykket vil då fortelja at Hartvig Krummedike sat med omlag 0,8 % av den samla norske jordeigedom, og at desse to åleine til saman åtte omlag 2,6 % av all jord i Noreg.⁵

Kor pålitelege desse prosentsatsane er, og kor mykje av den samla adelsjorda desse to åtte, er vanskeleg å seia ettersom det ikkje finnest gode tal på kor mykje jord som var i eiga til dette sjiktet. Eit interessant poeng hjå Weidling som viser skilnadene i egedomsinnehav mellom adel og bønder i 1620-åra, er der han reknar med eit gjennomsnittleg jordegods på 15–20 tønner hartkorn (6,67–8,9 laup smør) hjå ei større gruppe jordeigarar som femner mange personar som anten sjølv tidlegare hadde vore adelege eller hadde adelege forfedrar. På same tid har han funne omlag 8.000 ikkje-adelege jordeigarar i det sønnafjelske Noreg, der den gjennomsnittlege jordeigedom til samanlikning er på berre omlag 2,2–2,4 tønner hartkorn (omlag 1 laup smør). Dette viser at den gjennomsnittlege «eks-lågadelege» åtte minst 6,5 gonger meir jordegods enn kva tilfellet var med den gjennomsnittlege «jordeigande bonde» i 1620-åra.⁶

2. Sandberg 1970, s. vi–ix.

3. Tala for krongodset i mellomalderen er i motsetnad til tala for adel, bønder og bymenn, svært godt underbygde, og eg reknar dei for å vera relativt pålitelege. Halvard Bjørkvik har då også lagt ned eit enormt arbeid i å rekna ut storleiken på det norske krongodset, der kjeldegrunnlaget og det enorme arbeidet med det diverre enno ikkje har vorte publisert, men er spreidd til mange historikarar gjennom manuskriptkopiar. Sjå Bjørkvik 1960–1961 og 1992.

4. Sjå t. d. Lunden 2002, s. 48. Bjørkviks tal (Bjørkvik 1960–1961, s. 208, og fleire stader) for krongodset (2300 laup smør etter tala frå 1960–1961) impliserer ei samla laupskyld for heile Noreg på omlag 30.667 laup smør ved utgangen av mellomalderen, men dette er seinare mykje justert. Lunden gjev att dei seinaste utrekningane til Bjørkvik (jf. Bjørkvik 1996, s. 83), og eg justerer lauptalet etter dei. Alle slike tal er likevel usikre, og til samanlikning opererer Leistad 1985b, s. 37, med eit overslag på den totale skyldmengda i Noreg på 75.000 laup smør kring 1450.

5. Sandberg 1970, s. vi–vii.

6. Weidling 1998b, s. 477–478.

Sjølve adelsgodset etter adelsjordebøkene frå 1624 gjev til saman eit jordegods på 11.921 tønner hartkorn etter Tor Weidling,⁷ noko som svarar til knappe 5300 laup smør, eller 9,1 % av den samla landskylda (rekna etter 58.000 laup). Dette gjev eit gjennomsnitt på omlag 245 tønner hartkorn (omlag 109 laup smør) per adelege godseigar. Men adelsgodset i 1624 inkluderer ikkje mykje av jordegodset til den norske lågadelen på reformasjonstida, og ein heil del jordegods var panta bort av adelen mellom slutten av 1500-talet og 1624.⁸ Opphavet til jordegodset i 1624 vil vera ei viktig forskingsoppgåve for framtida, og ein må samstundes også sjå på opphavet til jordegodset til byborgarane så vel som dei rikaste av odelsbøndene i 1624. Det understrekar også at det er ei stor føremon å handsama perioden 1500–1660 under eitt, ettersom ein først då vil få eit verkeleg godt grunnlag for å seia noko om korleis utviklinga var frå slutten av seinmellomalderen fram til innføringa av eineveldet med omsyn til jordeigedomsfordelinga. Først etter ei slik undersøking kan det vera von om å seia noko konklusivt om jordeigedomsfordelinga for periodane før reformasjonen, i alle høve med omsyn til det privateigde jordegodset og kyrkjegodset.

Korleis har så Bjørkvik og Holmsen rekna ut tala for kor mykje jord bønder, bymenn og adel åtte i mellomalderen? Dette går ikkje fram av noko publisert arbeid som eg har funne, og det medfører at ein må tillata seg å spekulera litt på eiga hand. Utgangspunktet må sjølvsagt ha vore tal-materialet for 1661.⁹ Herifrå er det rimeleg å rekna med at dei har gått attende til rosstenestetaksringa i 1624 og adelsjordebøkene som vart skrivne i samband med den, og som no er å finna i Statthaldararkivet i Riksarkivet i Oslo. Kor vidt dei har nytta samletala frå rosstenestetaksringa, eller om dei har gått inn i jordebøkene er vanskelegare å seia, men ettersom dei nytta samletala for 1661,¹⁰ er det rimeleg også å rekna med at det same er gjort med 1624-materialet. Frå dette kan ein tenkja seg at dei så har gått vidare til riksregistrantane (NRR) og kan henda også diplommaterialet som vedrører adelsgoods som gjekk til krona mellom reformasjonen og 1624. Det er dermed sannsynleg at talet for adelens jordeigedom i 1536 i praksis er summen av rosstenestetaksasjonen i 1624 pluss overdragingar til krona mellom 1536 og 1624. Kan henda har det også vore eit lite skjønsmessig prosenttillegg for å justera dei potensielle feilmarginane (omlag på same måte som eg freista justera den potensielle feilmarginen i tabell 5-13 på s. 526), kombinert med eit personleg syn på korleis utviklinga har gått føre seg. Tor Weidling har påvist store manglar ved

7. Weidling 1998a, vedlegg 14, s. 499–500.

8. Jf. t. d. Weidling 2001. Det finnest eit utal av eksempel på dette i den lokal- og slektshistoriske litteraturen.

9. Bjørkvik og Holmsen 1978.

10. Bjørkvik og Holmsen 1978; jf. Weidling 2003.

desse utrekningane.¹¹ Kva så med tala for 1350? Her finnest det korkje rosstenestetaksasjonar, jordebøker eller andre samletal. Og dei har absolutt ikkje gjennomgått diplomaterialet i detalj. Korleis kan dei då ha kome fram til desse differansane mellom adel, bønder og bymenn som dei faktisk har kome fram til? Det lét seg ikkje svara sikkert på, men eg kan ikkje sjå at desse tala for 1350 er rekna ut på eit reellt grunnlag. Metoden som eg har inntrykk av har vorte nytta, er igjen eit personleg skjøn basert på eit syn på korleis utviklinga bør ha gått føre seg. Dette meiner eg ikkje kan reknast for å vera ein metode som vil gje noko som kjem i nærleiken av å vera pålitelege tal for jordeigedomsfordelinga i mellomalderen.

11. Weidling 2003.

6.2 Det norske aristokratiet

Kva så med aristokratiet som opptrer som jordeigarar i undersøkingsområdet? Finnest det indikasjonar på kontinuitet i slektene, eller er det mest nye slekter som dukkar opp i det primært seinmellomalderlege kjeldematerialet? Halvdan Koht såg på 1400-talet som «stor-tida for dei inngifte dansk-svensk-tyske adelsmennene i Noreg».¹² For 1400-talet kan nok Koht seiast dels å ha rett. Det norske aristokratiet vart internasjonalisert ettersom utanlandsk slektsopphav eller inngifte ofte drog med seg økonomiske så vel som slektsmessige interesser utanfor Noreg. På 1300-talet er det framleis kontinuitet i ein del av dei gamle storslektene på Vestlandet, sjølv om mange av dei døyr ut i mannslinje. Dette gjeld til dømes Ståreim-ætta i Nordfjord og Kvåle-ætta i Sogn, men begge slektene held fram gjennom kvinneledd, og jordegodset dukkar opp hjå andre ætter i aristokratiet. Begge desse slektene kjenner vi frå kongesogene, og Ståreim-ætta kjenner vi bakover til 1100-talet, medan Kvåle-ætta først er sikkert kjent frå kong Sverres lendmann i Sogn, Jon Stål. Bruken av namna Jon og Brynjulv i denne slekta gjer det likevel freistande å trekkja linjene attover i tid til den lendmannsleakta som opptrer i Sogn tidlegare på 1100-talet.¹³ Elles er det nokså tilfeldig kva slekter som kan først attende til personar som opptrer i kongesogelitteraturen. Ætta på Mel og Hatteberg ser ut til å ætta frå Ornes i Sogn, og kan også først attende til siste del av 1100-talet.¹⁴ Giske- og Bjarkøy-ættene kan jamvel først attende til Arnmødlingane på 1000-talet.¹⁵ Derimot er det vanskar med å påvisa lang kontinuitet bakover i tid hjå andre av baronslektene på slutten av 1200-talet. Korkje Talgje- eller Hestbø-ættene i Ryfylke kan påvisast å ætta frå namngjevne personar kjende frå konge-

12. Koht 1935, s. 99. Han utdjuar dette på s. 98–99, og det gjev eit så interessant innsyn i 1930-åras syn på både det norske og det adelege, at eg vel å ta med eit lengre sitat her: «Fremste mannen, både i ætt og i rikdom, var herr Sigurd Jonsson på Sørurn, han som dessutan hadde fått både Giske og Bjarkøy i arv. Han var son til ein svensk far, og sjølv var han tysk gift. Son hans, som kom til å døy ugift, hadde vore trulova med ei dansk-svensk adelsdame. Ervingane til herr Sigurd kom til å bli systerdøtrane hans, og dei var da òg halvt svenske i ætt; ei av dei gifte seg dessuta med ein svenske, Knut Jønsson frå Vestergötland, og hans son, Alv Knutsson, kom til å få både Sørurn og Giske. Elles finn vi folk av svensk ætt på adelsgardar rundt ikring i lande, – på Austrått, på Manvik og andre stader. Somme tyske adelsmenn synes ha kome inn gjennom Sverike, – det gjeld Herman og Johan Molteke, som bae gifta seg inn i Bolt-ætta, og Johan Ummereyse. Men vi finn andre tyskar òg, slike som Heneke Skakt på Austlande og Hans Kruckow på Vestlande, venteleg innkomne over Danmark. Attmed dem har vi reine danskar, alle på Austlande, og til dem lyt vi vel rekne den som vart den mektigaste av alle desse innflyttarane, holstenaren Hartvig Krummedike på Brunla. Han hadde gift seg med ervedottera her, og ho hadde elles ein tysk far, Markvard Bukk, som hadde fått faren og godse i giftarmål med Sigrid Niklisdotter Galle. Da så Hartvig vart enkemann, gifte han seg oppatt med ei dansk adelsdame, men vart like fullt sittande med Brunlagodse, og det gjekk jamvel i arv til son hans i dette danske gifte, Henrik Krummedike, som såleis vart stor norsk godseigar enda han ikkje på nokon måte hadde norsk ætteblod i seg. Det er særmerkt for det nasjonale tilstande i Noreg frå 1440-åra og fram til omlag 1500, at mykje av striden om makta i lande stod imellom desse dansk-holstenske Krummedikane på Brunla og halvsvenskane Alv Knutsson og Knut Alvsson på Sørurn og Giske».

13. Jf. P. A. Munch 1855, Tavle 16 over Aurlandsætta.

14. Ugulen 2004b.

15. Jf. Arnmødlingatalet i *FskBE*, s. 371–373.

sogene,¹⁶ sjølv om det er freistande å gissa på slektskap mellom Hestbø-ætta og Erling Skakkes ætt. Erling Skakke hadde som kjent fire søner ved sidan av kong Magnus Erlingsson, og namna på tre av desse var høvesvis Sigurd, Finn og Ogmund.¹⁷ Alle desse tre namna møter vi att i Hestbø-ætta. Naustdal-ætta i Sunnfjord dukkar først opp på 1200-talet, og det same gjeld Krøkedans'ane som ser ut til å ha eigd jord i Sogn. Ut over dette er dei fleste av slektene og personane i det seinmellomalderlege vestnorske aristokratiet tidlegast kjende frå dei siste ti-åra av 1200-talet og frametter. Opphavet til Losna-ætta er til dømes ukjent før den dukkar opp i siste del av 1300-talet.

Det er likevel ikkje noko særnorsk ved at gamle adelsslekter døyrt ut og at nye kjem til. Kjeldesituasjonen er slik at det ofte er uråd å følgja ei slekt over stort meir enn to-tre generasjonar, i det minste i Noreg og andre land som har relativt lite kjelder til mellomalderhistoria. Men adelsslektene døydde også ut, på same måte som andre slekter – i det minste om ein reknar ei slekt gjennom mannslinjer slik det tradisjonelt har vore gjort. I perioden 1300–1500 var proporsjonen av engelske lordar som ikkje heldt fram i rein mannslinje heile 27 % for kvart 25. år. Av dei i alt 136 baronane som vart innkalla til parlamentet i 1299 var det berre 16 som hadde etterslekt i rein mannslinje i 1500. I Skottland reknar ein med ein utdøyingssrate i hertug- og jarleslekter på 1400-talet på mellom 17 og 39 % kvart 25. år. Tendensen er den same i Frankrike og Tyskland.¹⁸ For Danmark har Albert Fabritius vist at av 251 adelsslekter i Danmark i 1536 var heile 52 slekter utdøydd berre 25 år seinare, i 1561. Den relative utdøyingssfrekvensen er på noko over 20 %, og denne frekvensen held seg på mellom 20 og 30 % kvart 25. år heilt fram til 1786.¹⁹ Samstundes kjem det til nye slekter, men sjeldan så mange at det veg opp for nedgangen.²⁰ Forfattaren av *Kongsspegelen* understrekar då også kor ille det kan gå når ein stormann ikkje har barn etter seg og det går slik at «rikdomen hans blir skift i små luter mellom folk som er han langskylde, om det ikkje lever nærskyldte frendar». Nesten like ille er det om han har mange søner eller mange døtrer, ettersom rikdomen hans då også vert delt på for mange, slik at ingen av barna får tilstrekkeleg med makt, noko som fører til at «ætta blir ringare».²¹ Eksempel på akkumulering av jordegods på færre og færre hender, samt oppsplitting av større jordegodssamlingar og kor raskt dette kan gå har eg vist i kap. 5.2.10.

16. Ogmund Sigurdsson er likevel truleg son av den Sigurd, son til Ivar Rova, som er nemnt i samband med skotte-toget i 1263 (*HH Vigf*, kap. 319, s. 332). Men denne Ivar Rova kan kronologisk høva godt som ein son eller soneson til ein av sønene til Erling Skakke.

17. *HkrBA* III, Magnúss saga Erlingssonar, kap. XXX.

18. Contamine 1998, s. 100; jf. Contamine 1997, s. 61–65.

19. Fabritius 1946, tabell 17, s. 68.

20. Fabritius 1946, tabell 16, s. 67.

21. *Kongsspegelen*, s. 106; *Konungs skuggsiá*, s. 52.

Norsk seinmellomalder viser oss både nye og gamle slekter i det norske aristokratiet, og sjølv om mange av dei gamle stormannsslektene døyrt ut i mannslinje, held dei fram gjennom kvinneledd, trass i at etterkomarane gjerne vert omtalte ved andre nemningar på slektene. Dei innvandrande tyskarane, holsteinarane, danskane og svenskane som korkje Koht eller Holmsen ser ut til å ha sett stor pris på, kom inn som fornyande element i det norske aristokratiet. Det kan elles virka som om dei fleste av desse innvandra adelsmennene i seinmellomalderen i første rekkje gjekk inn i det høgare sjiktet i det norske aristokratiet, men eit slikt inntrykk kan like gjerne skuldast at kjeldene til desse mektigaste slektene er fleire, og dermed gjev eit betre kjeldegrunnlag, enn kva tilfellet er med det numerisk mykje større lågare sjiktet av aristokratiet.²²

Eg vil, som eg alt har sagt, konkludera med at det norske aristokratiet i seinmellomalderen åtte monaleg mykje meir av jorda enn kva tidlegare forskning har hevda. Dermed må eg også freista forklåra kvifor den sosiale samansetjinga av det norske jordeigarsjiktet endrar seg i tidleg nytid. Kvifor er det så mykje meir bondejordeige på 1600-talet enn kva det var i seinmellomalderen? Etter mitt syn ligg den viktigaste forklåringa på dette ikkje i seinmellomalderens agrarkrise, sjølv om denne sjølv sagt også hadde dramatisk innverknad på inntektsgrunnlaget til svært mange av jordeigarane. Vel så viktig meiner eg likevel at innføringa av reformasjonen i Noreg var. Det Troels Dahlerup konkluderer med vedrørande reformasjonen for Danmarks del, er truleg like sant for Noreg:

Statsomvæltningen 1536 ændrede ikke blot Rigets kirkelige Forhold; der var i nok saa høj Grad Tale om en politisk-social Omvæltning. Thi idet Gejstligheden omsider detroniseredes fra sin Plads som Rigets Førstestand, rykkede hermed Andenstand, den verdslige Overklasse, op paa Førstepladsen. Den Lavadel, der endnu formaaede at holde sig oven Vande, reddede sig med over i den nye Stand, den vi nu med Rette kan kalde *Adel*; (...) Ikke blot kom saaledes den senmiddelalderlige Omlægning af Agrarstrukturen til paa een og samme Tid at bevirke Fordele for saavel Højadelen (...) som for Underklassen (...); men den kom først og fremmest til at ramme »Mellemklassen«²³

Den katolske kyrkjjas fall i Noreg rykka brått bort mange av høva for den norske lågadelen til å fungera som setesveinar og ombodsmenn for erkebiskopen, biskopar og klostrer. Dette må ha medført eit katastrofalt inntektstap for dei som var avhengige av denne typen ombodsløn for å halda oppe ein nokså kostbar livsstil. Vel så katastrofalt var dessutan nedleggjinga av det norske

22. Tore H. Vigerust (Vigerust 1997b) trekkjer fram eit tilfelle frå Sogn i 1526 (DN XXI, nr. 749) der det opptreir ein væpnar som er kalla «volfan Kerthe», dvs. vel anten Wolf van Kerthe eller Wolfgang Kerthe. Det er ikkje usannsynleg, meiner Vigerust, at det kan vera eit samband til ein Jaritslav Karteke som i 1440 er nemnt mellom rikets tenestemenn i Noreg (NgL2 I, nr. 97, s. 187–189). Ingen av desse to opptreir i andre kjelder.

23. Dahlerup 1970, s. 39–40.

riksrådet. I motsetnad til Danmark der høgadelen (riksrådsadelen) erstatta det geistlege toppsjiktet som rikets «førstestend», vart ikkje «førstestanden» i Noreg erstatta med noko som helst. Den berre forsvann. Kongen stod igjen som nær sagt den einaste patronen av vekt i Noreg, men ettersom kongen primært var å finna i København, vart det svært få høve for den relativt talrike men fattige norske lågadelen til å vera nær kongen, og på den måten få noko utbytte av hans patronasje. Dessutan hadde ikkje lenger det norske aristokratiet noko eige riksråd som kunne tala si sak andsynes kongen. Petrus Alfonsi skreiv på 1100-talet at ein konge er som ein eld – er ein for langt borte så frys ein, og er ein for nær så brenn ein seg.²⁴ Reformasjonen i Noreg har truleg innleia ei istid for kongeleg patronasje andsynes den norske lågadelen, og store delar av denne har truleg frose i hjel i løpet av 1500-talet. Det er såleis ikkje å undra seg over at det ikkje er lenge etter reformasjonen at den norske adelen for første gong opptrer samla på vegne av seg sjølv som ein korporasjon.

Kva så med aristokratiet i Noreg? Eit meir talrikt aristokrati er ikkje naudsynleg det same som eit sterkare aristokrati. Størstedelen av det norske aristokratiet i seinmellomalderen var fattig, ikkje minst når ein ser på kva som var tilfellet med dei rikaste av deira europeiske standsfeller i samtida. Men også størstedelen av det europeiske aristokratiet var fattig samanlikna med dei få og ekstremt rike magnatane. Sjølv om det norske aristokratiet var fattig deltok det likevel i styringa av landet, både på lokal-, regional- og nasjonalt nivå i seinmellomalderen. Primært deltok dei i styringsapparatet som klientar for mektigare menn som til dømes Erling Vidkunsson på 1300-talet, og Hartvig Krummedike og Alv Knutsson på 1400-talet. Men dei deltok, og dei førte våpenskjold og mange av dei var væpnarar.

Framleis kring 1500 hadde Noreg eit funksjonsdyktig riksråd, skriv Øystein Rian, «en erkebiskop og biskoper (...), klostre som preget livet i sine distrikter, riktignok få store adelsfamilier, men et langt større antall mindre adelsmenn og storbønder som tok aktivt del i lokal- og regionalstyret. 37 år seinere var mesteparten av den samfunnsorden som de hadde tatt del i, avskaffet». Makta hadde i mykje større grad flytta dit kongen var, og han var i København. Noreg hadde ikkje kongevitjingar mellom 1514 og 1591.²⁵ Denne utviklinga kan rett nok ha starta mykje tidlegare, gjerne alt kring 1400 då kongen stort sett oppheld seg utanfor landet. Dermed kan alt då tilgangen til kongeleg patronasje ha minka, ettersom kongens person var såpass fjern gjennom store delar av seinmel-

24. Petrus Alphonsus, *Disciplina clericalis*, Fabula XXIV, i *Patrologia Latina* 157: «Rex est similis igni, cui si nimis admotus fueris, cremaberis; si ex toto remotus, frigebis». Jf. dessutan Bartlett 2000, s. 28–35, og det han der skriv om kongeleg patronasje i England.

25. Rian 2003, s. 10.

lomalderen. Dette kan likevel igjen ha betra villkåra for menn av Hartvig Krummedikes format. Dermed kan ein minkande tilgang på kongeleg patronasje for størstedelen av det norske aristokratiet, dels ha vorte utlikna gjennom aukande tilgang på patronasje frå Krummedik'ane og andre potensielle «storpatronar».

Øystein Rian har peika på at den overordna maktstrukturen i Noreg vart omkalfatra i første del av 1500-talet i mykje større grad enn kva tilfellet var med andre land i samtida. Mest oppsiktsvekkande er det manglande samsvaret mellom dei lokale og regionale eigedomstilhøva og deltakinga i den statlege utøvinga av makt, bortsett frå på dei lågaste nivåa.²⁶ Tor Weidling har gjort ein undersøking i serien med odelsjordebøker i Statthaldararkivet, som viser at det så seint som i 1624/1625 var over 400 familiar i Noreg som åtte jordegods til ein verdi av 10 tønner hartkorn eller meir. Dette var meir jordeigedom enn det som var vanleg for store delar av den europeiske adelen på same tid.²⁷ Mange av desse var etterkomarar etter 1500-talets norske lågadel. Frå 1600-talet finnest det også interessante eksempel på korleis lågadelsmenn «sokk ned i bondestanden». Lars Løberg har til dømes skrive om den sosiale deklassifiseringa av den vestnorske lågadelsslekta som er kjend under namnet «Dall». Adelsmannen Bernt Orning påkjærte i 1652 jordegodset etter Erik Jonsson på Brandvik, som ifølgje Orning hadde sjølv forringa sin stand slik at barna hans kunne arva det frie jordegodset etter han, i staden for at det gjekk til næraste adelege odelsarving (som sjølv sagt var Bernt Orning).²⁸ Jens Nilsson til Semelenge i Valdres var klårt adeleg i 1591 då han medsegjar adelens hyllingsbrev av kong Christian 4., men 25 år seinare er han fullmektig hjå sorenskrivaren i Hallingdal og definitivt ikkje lenger adeleg.²⁹ På tinget i Marifjøra skipreide i Indre Sogn i 1649 vart det vitna at Jens Samsonsson, som forøvrig var brorson til Jens Nilsson ovanfor,³⁰ nokre år tidlegare hadde lege på grasbakkane ved garden Mareim i same skipreide, truleg ein gong i 1620-åra, og lira av seg følgjande jammer til vitnet Knut på Lunde: «Gudbedre mig, ieg suelter wdj hield, mit godtz ehr borte, mine grunder i Bergen ehrre bortte mit zignette och odelszbreffuer ehr bortte».³¹ Slik var det altså gått til med mykje av den norske lågadelen på 1600-talet. Desse tre eksempla er truleg ikkje eineståande, og dette er også klårt ein del av forklåringa på kvifor det er monaleg meir jord i bondelege på 1600-talet.

26. Rian 2003, s. 9.

27. Rian 2003, s. 22, med tilvising til ei upublisert undersøking av Tor Weidling.

28. Løberg 1997, s. 153.

29. Bjønnes et al. 1994, s. 171.

30. Far hans, Samson Nilsson til Sterri (i Hafslø i Sogn), er mellom dei som skriv under adelshyllinga av kong Christian 4. i 1591 (*ANSH I*, s. 105 og 108).

31. SAB, Sorenskrivaren i Indre Sogn, I. A. 1, Tingbok 1648-1652, fol. 19b.

Det kan altså sjå ut til at det er klåre parallellar til utviklinga i Danmark etter reformasjonen, der det ikkje primært er utviklinga i godsfordeling som øver press på den sosiale statusen til den fattigaste delen av adelen. Snarare er det nye politiske omstende som utøver det største presset, ved at lågadelen ikkje lenger får høve til å fungera som ombodsmenn for biskopar og klostrer, samstundes som magnatane ikkje lenger har trong for lågadelege tenarar.³² Dette må hatt ein stor innverknad både på den sosiale statusen deira andsynes størsteparten av befolkninga, så vel som dei økonomiske ringverknadene det vil ha å mista viktige biinntekter.

Ei kan henda like viktig forskingsoppgåve for framtida er knytt til den sekkekategori som eg har kalla lokale elitar i denne avhandlinga. Den danske historikaren Knud Prange har jamvel stilt spørsmålet om det eigentleg finnest nokon grunn til å setja eit eigentleg skilje mellom lågadelen og storbøndene, og peikar på at det slektsmessig godt kan vera tale om sterkt samanvevde grupper i mange tilfeller. Poul Verner Christiansen meiner at ein kan henda bør interessera seg meir for dei trekka som desse to gruppene har felles, så vel som dei trekka som skil dei frå størstedelen av bøndene. Det var til dømes ikkje naudsynleg den store skilnaden i økonomi mellom dei. Andre fellstrekk er gjerne at det er i denne gruppa ein finn lese- og skrivekunnskap og annan bokleg lærdom hjå «bøndene».³³ Eit anna trekk i dansk seinmellomalder er også at denne gruppa av storbønder truleg er det sjiktet der dei fleste nye adelsslektene vart henta frå, ved sidan av ein del borgarslekter i byane. Det er mange eksempel frå dansk seinmellomalder at det vart inngått ekteskap mellom borgarar og adelege, og det kan også påvisast at adelsslekter går over til både borgar- og bonde«stendene». Dermed må også adelen ha vore ei relativt åpen gruppe med relativt stort rom for sosial mobilitet, både opp og ned med omsyn til status.³⁴ Langt dei fleste danske adelsslektene i seinmellomalderen besto ikkje av meir enn 1–2 menn per generasjon, og proporsjonane i ei undersøking i to periodar, viser eit slåande samanfall i fordelinga mellom små, mellomstore og store slekter (målt i vaksne menn). Undersøkingane baserer seg på eit vidt forskjellig kjeldegrunnlag. Perioden 1340–1439 baserer seg på tingsvitner, medan tala for 1536 baserer seg på recessen frå same år. Likevel er det ikkje stor skilnad i fordelinga. For 1340–1439 viser undersøkinga av 75 % (427 slekter) av slektene var samansette av 1–2 menn, 17 % (98 slekter) av 3–5 menn, og 8 % (47 slekter) av 6 menn eller meir. For 1536 bestod 73 % (127 slekter) av slektene av 1–2 menn, 17 % (29 slekter) av 3–5 menn, og 10 % (17 slekter) av 6 eller fleire.³⁵ Avgangen i talet på adelsslekter i Danmark i seinmel-

32. Jf. C. P. Rasmussen 2001, s. 520.

33. Prange 1983, s. 230; P. V. Christiansen 2000, s. 25–26.

34. Prange 2001, s. 40.

lomalderen er også stort, og ein del av årsaka ligg nok i at mange av slektene har vore små, noko som kraftig aukar risikoen for at ei slekt døyr ut (etter tradisjonell tydnad av ei slekt som definert gjennom mannslinjer). Men det har også kome til nye slekter jamnleg. Alt i alt tyder mykje på at den danske adelen hadde ein tydnadsfull tilvekst av slekter frå midten av 1300-talet til midten av 1400-talet, noko som tyder at talet på adelsslekter var høgt i denne perioden. Utdøying av mange slekter, ikkje minst på grunn av eit lågt antal menn per slekt, saman med ein nedgang i talet på nye adelsslekter, sørga derimot for ein nedgang i det totale talet på slekter i siste del av 1400-talet.³⁶ Om det same var tilfellet i Noreg, er noko framtida må svara på.

35. Prange 2001, s. 38–39.

36. Prange 2001, s. 29 og 39–41.

6.3 Jordeigedom og statsdanningsprosessar

Det er også naturleg å freista setja denne avhandlinga inn i ramma til det større prosjektet ved CMS kring statsdanninga i Europa i mellomalderen.³⁷ Eg ser det ikkje som naudsynt her å gå nærare inn på statsomgrepet. Diskusjonen kring kva som er ein stat, og om det eigentleg fantest statar i mellomalderen, har gått høgt i mange år, og litteraturen om denne er stor og mangfoldig. Jamvel Susan Reynolds sitt historiografiske oversyn frå 1997 om staten i mellomalderen førte til ein diskusjon som dels vart halden i *The Journal of Historical Sociology* for berre eit par år sidan, og debatten vert neppe avslutta med det første.³⁸ Nyleg har Leidulf Melve også drøfta ein del utfordringar i samband med granskingar av stat og statsdanningar i mellomalderen og tidleg nytid i ein større artikkel i *Historisk tidsskrift*.³⁹ Med utgangspunkt i Wolfgang Reinhard presenterer han ei rekkje variablar som har stått sentralt i nyare forskning,⁴⁰ der mi undersøking kan plasserast på eit mikronivå ettersom eg ser nærare på eit sjikt innanfor maktelitane, der eliterelasjonar og patrimoniale band er viktige variablar.

Det er dermed primært i samband med makttilhøve og maktnettverk at kartlegging av jordeigedomstilhøva og den sosiale statusen til jordeigarane kan seia noko om nokre av prosessane i samband med statsdanninga i mellomalderen. Kontroll med jord er grunnleggjande for makttilhøva i eit agrarsamfunn. Dermed vert dei som kontrollerer denne jorda nærast per definisjon ein elite, ettersom det alltid vil finnast færre jordeigarar enn ikkje-jordeigarar. Den jordeigande eliten vil ofte også svara til eller i det minste utgjera ein stor del av makteliten i eit agrarsamfunn, og dermed vert kartlegging av den jordeigande eliten samstundes ei kartlegging av makteliten.

Christine Carpenter skriv i si store avhandling om det jordeigande sjiktet i Warwickshire på 1400-talet at det å plassera lokalsamfunnet inn eit større nasjonalpolitisk og konstitusjonelt rammeverk er ein viktig del av hennar undersøking. Sentraladministrasjonen, om ein kan kalla den det, og dei meir lokale administrasjonsdistrikta var begge vesentlege delar av statssamfunnet, og lokalsamfunnets sjølvbilette både gav form til og vart forma av den rolla det spela innanfor ei større poli-

37. Sjå nettsidene til CMS for meir om dette, <<http://www.uib.no/cms>>.

38. S. Reynolds 1997. I 2002 vart det publisert ei rekkje innlegg i *The Journal of Historical Sociology* frå ei diskusjonsgruppe over temaet «When and What was the State». Her finn ein innlegg frå til dømes Steve Hindle, Michael Clanchy og Rees Davies. Sistnemnte kom med ein større artikkel året etter (R. Davies 2003) der han diskuterer mellomalderstaten, og Susan Reynolds kom med eit tilsvar seinare same år (S. Reynolds 2003). Sjå dessutan dei mange publikasjonane til prosjektet «Origins of the Modern State in Europe» frå 1990-åra, finansiert av European Science Foundation.

39. Melve 2006.

40. Melve 2006, s. 230; jf. Reinhard 1996b.

tisk verd. Nøkkelpunktet var det vekslende samhøvet mellom sentral- og lokalmakt som utgjorde kjerna i all europeisk nasjonal politikk inntil dei sentripetale kreftene endeleg sigra over dei sentrifugale gjennom moderne teknologi.⁴¹ Kva rolle spela dei lokale maktelitane på det nasjonale planet, i høve til magnatane og i høve til kongemakta, og for den saks skuld, til kyrkjemakta? Og ein kan snu på det litt og spørja kva rolle dei nasjonale elitane spela på det lokale planet? Hadde dei makt også her gjennom sin rikdom og status, eller var dei avhengige av dei lokale elitane for å få gjennomført det dei ville på lokalplan?

Undersøkinga mi er i hovudsak ei lokal og regional undersøking av jordeigarane, og dermed også av ein viktig del av makteliten på lokal- og regionalplanet. I utstrekning er Noreg for stort så vel som for topografisk variert til at sentralmakta (kongen) kan stå i eit direkte samhøve til alle innbyggjarane. Dermed er det trong for eitt eller fleire mellomnivå som både kan ta hand om og byggja opp relasjonane til undersåttane. Ofte, men ikkje alltid, vil også ein del av personane på mellomnivå og/eller lokalnivå typisk vera ombodsmenn for nettopp sentralmakta. Andre gonger er dei berre medlemmar av dei lokale eller regionale elitegruppene, eller dei kan vera klientar eller tenarar for personar i denne gruppa. Andre gonger igjen kan dei vera stasjonerte i eller ved maktas sentrum, men samstundes ha lokale eller regionale plikter og/eller interesser.⁴² For størstedelen av folket vil det vera dei lokale elitane som er den delen av «statsapparatet» som er mest synleg. Det er dei lokale elitane som sit i lagretten og dømmer i lokale tvister og straffesaker, og ofte vil skatteinnkrevjinga også falla på desse lokale maktelitane. Dermed er det nettopp dei lokale elitane som ofte vil stå som dei viktigaste representantane for «statsmakta» på lokalplanet. Dette gjer at dei lokale elitane også vert ein svært viktig del av maktapparatet, og trass i at dei normalt står nederst i makthierarkiet, utgjer dei den kan henda viktigaste delen av hierarkiet ettersom det er dei som tek seg av den daglege «drifta» av «øvrighetsapparatet». Utan dei som utøvarar av og representantar for sentralmakta på lokalplanet, vil det vera vanskeleg om ikkje umogleg å ha noko effektiv sentralmakt i det heile. For «statsapparatet» og utviklinga av dette, spelar dermed dei lokale elitane ei heilt essensiell rolle.

Dei lokale elitane hadde truleg sjeldan kontakt med sentralmakta direkte, men snarare hadde dei oftare kontakt med maktelitane på mellomnivå. Dette mellomnivået vil i seinmellomalderen gjerne femna lensmenn, ein del ombodsmenn, systemenn/futar og lagmenn – dei som hadde styringa på det regionale nivået.⁴³ Delar av dette mellomnivået finn ein også att på topplanet i administrasjons-

41. Carpenter 1992, s. 9.

42. Jf. Aylmer 1996, s. 59–60.

43. Jf. Aylmer 1996, s. 61–62.

apparatet, ettersom det var vanleg at kongens rådgjevarar fekk inntektene sine gjennom å fungera som administratorar på det regionale planet i eigenskap av systemenn, fehirddar og slottshøvedsmenn.

Felles for alle desse elitane, uavhengig av kva nivå dei tilhøyrer, er at dei aller fleste av medlemmane også var jordeigarar. Store jordeigarar møter ein oftast på toppnivået, mellomstore på mellomnivået, og små på det lokale nivået. Dei politiske, sosiale og økonomiske interessene til desse jordeigarane og familiane deira utgjorde sentrale interesser hjå desse slektene og personane, og ei undersøking av den sosiale statusen og dei økonomiske (jordeigedoms-) interessene deira i regionalt format (som denne undersøkinga) kan vera med på å kasta ljós over andre regionar så vel som over heile landet.⁴⁴

Klientvesenet er ein sentral del i alle maktnettverk til alle tider, sjølv om det ofte kan opptre under forskjellige nemningar og former til ulike tider og i ulike samfunn. Vasallitet er til dømes eit godt eksempel på dette. Ein vasall (i den vanlege tydinga av ordet) er i realiteten ikkje noko anna enn ein klient som har eit forhold til sin patron. Dette forholdet kjem rett nok til uttrykk på ein spesiell måte og var ofte formalisert gjennom *homagium*, men i botnen er det likevel framleis eit klient/patron-forhold der gjensidig hjelp er det sentrale punktet. Gunner Lind har kalla rituala og symbolikken i føydalismen for formalisert klientelisme.⁴⁵ Også klientvesenet kan sjåast på som ein pyramidestruktur, der ein på toppen har kongen og erkebiskopen (som i Noreg). På det neste nivået i pyramiden finn ein magnatane og dei andre som står i eit direkte klientforhold til den store patronen. På dei neste nivåa finn ein så mindre klientar som er klientar til nivået over. Alle nivå i denne maktpyramiden er på sett og vis like viktige, ettersom toppnivået er avhengig av dei lågare nivåa for å kunna utøva makta si.

Samstundes er dei lågare nivåa avhengige av si tilknytning til dei høgare nivåa for å synleggjera den makta dei sjølve sit med, ofte i eigenskap av representantar for eit høgare nivå. I sentrum for alt dette står dei personlege relasjonane mellom einskildpersonar. Desse einskildpersonane har meir eller mindre makt, og eig meir eller mindre jord, men som regel eig dei i alle fall noko jord. Dermed vert det samstundes tale om personlege relasjonar mellom jordeigarar. Det som gjer eit samfunn stabilt er samspelet mellom dei ulike elitenivåa, mellom det lokale og det sentrale, og mellom klientar og patronar. På denne måten vert kartleggjinga av jordeigarane eit viktig utgangspunkt for

44. C. Carpenter 1992, s. 3.

45. G. Lind 1996, s. 132.

vidare forskning i maktnettverka i samfunnet. Sjølv om eg ikkje har hatt høve til å gå i djupna med omsyn til mekanismane i desse maktnettverka i denne avhandlinga, meiner eg at undersøkinga mi kan fungera som eit grunnlag for ny forskning i framhaldet av statsdanningsprosessane i norsk mellomalder.

Som Øystein Rian har peika på, så rakna heile det seinmellomalderlege elitenettverket i Noreg med fallet til riksrådet, dei norske lensherrane og heile den norske kyrkjeorganisasjonen ved innføringa av reformasjonen. Banda mellom patronane i toppstillingar og klientane deira som stod i tenesteforhold til dei, forsvann også. Innanfor kyrkja og statsadministrasjonen må dette ha vore tale om fleire hundre personar, kan henda svarande til dei kring 400 familiane som framleis i 1620-åra sit med mykje jordegods på bygdene i Noreg.⁴⁶ Reformasjonens nedrivning av klientsystemet gjorde at dei lokale elitane fall ut av styringssapparatet. Dermed forsvann mykje av det ansvaret dei hadde andsynes dette apparatet, og dei fall samstundes ut av det offentlege hierarkiet.

Dette er truleg ei av dei viktigaste årsakene til at parten av «bondejordeige» i Noreg er så stor som den er på 1600-talet. Samstundes er det eit viktig argument mot at delen av «bondejordeige» kan ha vore så stor som det til vanleg har vore hevda at den var i seinmellomalderen.

46. Rian 2003, s. 24–25.

6.4 Avslutning

Det er sjølvsagt mogleg å trekkja meir ut av det materialet eg har samla inn, men tida strekk ikkje til for å gjennomføra alt dette i løpet av ein stipendperiode på tre år. På det kvantitative området kan det gjennomførast fleire undersøkingar enn kva eg har greidd å femna i denne undersøkinga. Av meir kvalitative (men ikkje naudsynleg ikkje-kvantitative) undersøkingar som det også kunne vore trong for å gjennomføra i det norske kjeldematerialet frå mellomalderen er ei undersøking av mekanismane i maktnettverka, og oppbyggjinga av desse nettverka. Korleis fungerte dei? Kven var med i dei? Kva innverknad hadde dei på statsstyringa i Noreg i mellomalderen? Og så bortetter. Dette kan også gjennomførast på regionale nivå, men samstundes er eit problem med omsyn til ei slik undersøking at det ikkje finnest noko form for embetskalender for Noreg i mellomalderen. Ein slik embetskalender med oppstillingar over kven som innehadde dei viktigaste omboda og embeta i det norske styringsverket i mellomalderen, er nærast ein føresetnad for å kunna gjennomføra ei kartlegging av maktnettverka i Noreg i mellomalderen på overkomeleg tid.

Knut Dørum har nyleg hevda at freistnader på å skilja eit aristokrati frå eit ikkje-aristokrati «kan lett utarte til et kunstig og et litt overivrig oppgjør med den norske agrarhistoriske tradisjon». ⁴⁷ Eg har vanskar med å skjona motforestillingane til Dørum, all den tid det jo er den norske agrarhistoriske tradisjonen som har innført eit slikt skilje, ikkje minst med omsyn til jordeigedomsfordelinga, men på eit fullstendig sviktande grunnlag. Det er korkje noko overivrig eller kunstig i det å setja spørsmålsteikn ved eit omgrepsapparat som ikkje har eit godt nok fundert innhald. Tvert om må det reknast som ein av grunnføresetnadene ved all historisk forskning å stilla spørsmål ved gamle sanningar, sjølv om desse er sette fram av forskarar som ein sjølv set svært høgt, noko eg definitivt gjer med Halvard Bjørkvik og mykje av hans arbeid. Denne avhandlinga er slett ikkje meint som ein freistnad på eit oppgjør med den agrarhistoriske skulen, men derimot som ein freistnad på (mellom anna) å trekkja den agrarhistoriske forskinga framover, og peika på områder der det stadig er trong for ny forskning. Dørum sjølv ser ut til å operera med ei todeling av aristokratiet i ei «høyere stormannsstand» på den eine sida, og det han kallar eit «bygdearistokrati» på den andre. ⁴⁸ Korleis han har trekt dette skiljet seier han diverre ikkje noko om. I alle høve meiner eg å ha vist i denne avhandlinga kvifor det er viktig å peika på veikskapane som ligg i skiljet mellom adel og bønder/bymenn som er innført av den norske agrarhistoriske skulen.

47. Dørum 2006, s. 104.

48. Dørum 2006, s. 104.

Undersøkinga mi har underbygd hypotesene om at det norske aristokratiet i mellomalderen må ha vore meir talrikt enn kva det tradisjonelt har vore rekna med i norsk historiografi, og at dette aristokratiet truleg åtte mykje meir jord enn kva det også har vore vanleg å rekna med. Tala for jordeigedomsfordelinga i Noreg i mellomalderen har likevel korkje vorte falsifiserte eller sannsynleggjorte gjennom denne undersøkinga, men eg meiner å ha godtgjort at desse tala ikkje ukritisk bør nyttast i historiske oversynsverk for mellomalderen. Det er i det minste sikkert at det er trong for mykje meir forskning på området før ein kan seia noko som er i nærleiken av å vera sikkert om jordeigedomsfordelinga i mellomalderen. Denne avhandlinga aspirerer berre til å vera eit bidrag i så måte.

Utrykte kjelder

Bergen, Statsarkivet i Bergen

Sorenskrivaren i Nordfjord, Tingbøker
Sorenskrivaren i Indre Sogn, Tingbøker
Sorenskrivaren i Sunnhordland, Tingbøker

Bergen, Universitetsbiblioteket i Bergen

Diplomsamlinga, Diverse diplom
Manuskriptsamlinga, Ms 83, Iver Eriksen Legangers jordebok

Københavns Universitet, Den arnamagnæanske Samling

AM 880 4^{to}, Hartvig Krummedikes jordebok

København, Det kongelige Bibliotek, Håndskriftsamlingen

GKS 2836 4^{to}, Die Nordische Saw
NKS 2091 4^{to}, Repertorium over Det Rosenholmske Archivs gamle Documenter, forfattet 1762
Thott 1279 fol.
Thott 1895 4^{to}, Een samling gamle norske vaabener
Uldall 479 4^{to}, Friderich Rostgaards Vaabenbog, Det er En Samling af Danske og Norske Vaabener, som en Student ved navn Ole Nysted, ellers af gemene Mand Kaldet Døve Ole, haver malet i de Aar 1687 og 1688 paa Frid. Rostgaards bekostning.
[Rostgaards *norske* våpenbok startar på blad 136]
Langebeks excerpter

København, Rigsarkivet

Håndskriftsamlingen, Individuelle samlinger af blandet indhold
Jakob Langebeks samlinger
Terkel Klevenfeldts samlinger

Oslo, Riksarkivet

Diplomsamlingen

Diplom på papir

Diplom på pergament

Frå DRA 1937, XXVIII, Norske lokale arkiv, nr. 1, Statvta et privilegia Capitvli Asloensis

Kjeldeskriftavdelingen

Avskriftsamlingen

Regestsamlingen

Segltegninger

Manuskript til *Diplomatarium Norvegicum* XXIII

Rentekammeret, Lensregnskaper

Lensrekneskapar Bergenhus len

Lensrekneskapar Hardanger og Halsnøy kloster len

Lensrekneskapar Munkeliv klostets gods

Rentekammeret, Realistisk ordnet avdeling

Landkommisjonen 1661, Bergen lagdømme, pk. 24–26, Alminnelig jordebok 1661

Statens gods

Stathaldararkivet

D IX, pk. 7, Adelsjordebøker 1624–1625

D IX, pk. 11, Odelsjordebøker for Bergenhus len 1624

D IX, pk. 12, Odelsjordebøker for Bergenhus len 1626

D IX, pk. 15, Kyrkje- og prestebolsinntekter for Bergens bispedøme 1624–1626

Bibliografi

Trykte kjelder

- Absalon Pederssøn Beyer. *Dagbok og Oration om Mester Geble. Tekstbind*. Redigert av Ragnvald Iversen, Oluf Kolsrud og Kristen Valkner. Oslo/Bergen: Universitetsforlaget, 1963.
- Absalon Pederssøn Beyer. «Om Norgis Rige.» I *To norske historisk-topografiske skrifter fra 1500-tallet*, redigert av Gustav Storm, 1–116. Oslo: Universitetsforlaget, 1968.
- Ágrip af Nóregskonunga sögum. Fagrskinna – Nóregs konunga tal*. Redigert av Bjarni Einarsson. Bd. XXIX, *Íslenszke Fornrit*. Reykjavík: Hið íslenszka fornritafélag, 1985.
- Akershusregisteret af 1622: Fortegnelse optaget af Gregers Krabbe og Mogens Høg paa Akershus slot over de derværende breve*. Redigert av Gunnar Tank. Kristiania: Den norske historiske Kildeskriftkommision, 1916.
- Aktstykker til de norske Stændermøders historie 1548–1661*. Redigert av Oscar Albert Johnsen og Rolf Fladby. 3 bd. Oslo: Norsk historisk Kjeldeskrift-Institutt, 1929–1984.
- Anonymi Descriptio Europae Orientalis: Imperium Constantinopolitanum, Albania, Serbia, Bulgaria, Ruthenia, Ungaria, Polonia, Bohemia anno MCCCVIII exarata*. Edited by Olgierd Górka. Cracoviae: Sumptibus Academiae Litterarum, 1916.
- Aristoteles. *Politics*. Redigert av John Berseth. Translated by Benjamin Jowett. With Introduction, Analysis, and Index by H. W. C. Davis. Minneola, NY: Dover Publications, Inc., 2000.
- «Árna saga biskups.» I *Biskupa sögur III*, redigert av Guðrún Ása Grímsdóttir, *Íslenszke Fornrit*, bd. XVII, 1–212. Reykjavík: Hið íslenszka fornritafélag, 1998.
- Aslak Bolts Jordebog: Fortegnelse over Jordegods og andre Herligheder tilhørende Erkebiskopsstolen i Nidaros, affattet ved Erkebiskop Aslak Bolts Foranstaltning mellem Aarene 1432 og 1449*. Redigert av Peter Andreas Munch. Christiania: Chr. Grøndahl, 1852. Faksimileutgåve, Oslo: Børsums Forlag, 1958.
- Aslak Bolts jordebok*. Redigert av Jon Gunnar Jørgensen. Oslo: Riksarkivet, Kjeldeskriftavdelingen, 1997.
- Bergens Fundas*. Redigert av Mikjel Sørli. Bergen: Bergens Historiske Forening, 1957.

- Bergens Kalvskinn: AM 329 fol. i Norsk Riksarkiv.* Redigert av Finn Hødnebo og Ole-Jørgen Johannessen. Bd. VIII, *Corpus Codicum Norvegorum Medii Aevi: Quarto Series*. Oslo, 1989.
- Biskop Eysteins Jordebog (Den røde Bog): Fortegnelse over det geistlige Gods i Oslo Bispedømme omkring Aar 1400.* Redigert av Henrik Jørgen Huitfeldt[-Kaas]. Christiania, 1873–1879. Faksimileutgåve, Oslo: Børsum Forlag, 1958.
- Biskupa Sögur.* Redigert av Guðbrandur Vigfússon og Jón Sigurðsson. 2 bd. Kaupmannahöfn: Íslenska bókmentafélag, 1858–1878.
- Biskupa sögur III.* Redigert av Guðrún Ása Grímsdóttir. Bd. XVII, *Íslenske Fornrit*. Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 1998.
- Bruns, Friedrich. *Die Lübecker Bergenfabrer und ihre Chronistik*. Bd. II, *Hansische Geschichtsquellen, Neue Folge*. Berlin: Verein für hansische Geschichte, 1900.
- Chaucer, Geoffrey. *The Riverside Chaucer*. Redigert av Larry D. Benson. Boston: Houghton Mifflin Company, 1987.
- Codex diplomaticus monasterii Sancti Michaelis, Bergensis diocesis, vulgo Munkalif dicti, conscriptus Anno Chr. MCCCCXXVII.* Redigert av Peter Andreas Munch. Christiania: Typis Christophori Gröndahl, 1845.
- «De profectone Danorum in Hierosolymam.» I *Scriptores minores historiae Danicae medii aevi*, redigert av M. Cl. Gertz, bd. II, 443–492. København: I kommission hos G. E. C. Gad, 1922. Reprografisk genudgivet og forlagt af Selskabet for Udgivelse af Kilder til dansk Historie, København 1970.
- Den eldre Gulatingslova.* Redigert av Bjørn Eithun, Magnus Rindal og Tor Ulset. Bd. 6, *Norrøne tekster*. Oslo: Riksarkivet, 1994.
- «Den Norske So. 1584.» I *Norske Magazin. Skrifter og Optegnelser angaaende Norge og forfattede efter Reformationen*, redigert av Nicolay Nicolaysen, bd. II, 1–50. Christiania: Johan Dahls Forlag, 1868.
- Det Kgl. rettertings domme og rigens forfølgninger fra Christian III's tid.* Redigert av Troels Dahlerup. 2 bd. København: Selskabet for udgivelse af kilder til dansk historie, 1959–1969.
- Diarium Vadstenense: The Memorial Book of Vadstena Abbey: A Critical Edition with an Introduction.* Redigert av Claes Gejrot. Doctoral Dissertation, Department of Classical Languages, Stockholm University. Bd. XXXIII, *Acta Universitatis Stockholmiensis: Studia Latina Stockholmiensia*. Stockholm: Almqvist & Wiksell International, 1988.

- Diplomatarium Færoense. Føroyskt fognbrævasavn.* Redigert av Jakob Jakobsen. Tórshavn/København: H. N. Jacobsens bókahandil/Vilh. Prior, kgl. Hofboghandel, 1907. Optrykk, Tórshavn: Emil Thomsen, 1985.
- Diplomatarium Islandicum: Íslenskt fornbréfasafn, sem hefir inni að halda bref og gjörninga, dóma og máldaga, og aðrar skrár, er snerta Ísland eða íslenska menn.* 16 bd. Kaupmannahöfn: Gefið út af hinu íslenska bókmentafélagi, 1857–1972.
- Diplomatarium Norvegicum: Oldbreve til Kundskab om Norges indre og ydre Forhold, Sprog, Slægter, Sæder, Longivning og Rettergang i Middelalderen.* Redigert av Christian Christoph Andreas Lange, Carl Richard Unger, Henrik Jørgen Huitfeldt-Kaas, Gustav Storm, Alexander Bugge, Christoffer Brinchmann, Oluf Kolsrud, Hallvard Magerøy og Ferdinand Linthoe Næshagen. 22 bd. Christiania/Oslo: Norsk historisk Kjeldeskrift-Institutt, 1847–1995.
- Diplomatarium Orcadense et Hialtlandense. Fornbréfasafn Orkenyinga og Hjaltlendinga. Orkney and Shetland Records.* Redigert av Alfred Wintle Johnston og Amy Johnston. Bd. 7, *Orkney and Shetland Old-Lore Series.* London: The Viking Society for Northern Research, 1907–1913.
- Diplomatarium Suecanum. Svenskt diplomatarium.* Stockholm: Riksarkivet, 1829–1976.
- Fagskrinna.* Redigert av Finnur Jónsson. Bd. XXX, *Samfundet til Udgivelse af gammel nordisk Litteratur: Skrifter.* København: Samfundet til Udgivelse af gammel nordisk Litteratur, 1902–1903.
- Frostatingslova.* Omsett av Jan Ragnar Hagland og Jørn Sandnes, *Norrøne bokverk.* Oslo: Det Norske Samlaget, 1994.
- «Fundatio Lysensis monasterii.» I *Monumenta Historica Norvegiæ*, redigert av Gustav Storm, 169–172. Kristiania: A. W. Brøgger, 1880.
- Gulatingsslovi.* Andre utgåva. Umsett frá gamalnorsk av Knut Robberstad. Bd. 33, *Norrøne bokverk.* Oslo: Det Norske Samlaget, 1952.
- Gørvel Fadersdatters regnskap over Giske og Giskegodset 1563.* Redigert av Per-Øivind Sandberg. Oslo: Norsk historisk Kjeldeskrift-Institutt, 1986.
- Hákonar Saga, and a Fragment of Magnus Saga, with Appendices.* Redigert av Guðbrandur Vigfússon. Bd. 88:2, *Rerum Britannicarum Medii Ævi, Scriptores.* London: Her Majesty's Stationery Office, 1887.
- Heimskringla.* Redigert av Bjarni Aðalbjarnarson. 3 bd. Bd. XXVI–XXVIII, *Íslenskt Fornrit.* Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 1941–1951. Optrykk, Reykjavík: Hið íslenska fornritafélag, 1979.

- Hirdskræen: Hirdloven til Norges konge og hans håndgangne menn. Etter AM 322 fol.* Redigert av Steinar Imsen. Oslo: Riksarkivet, 2000.
- Historia Norvegie.* Edited by Inger Ekrem and Lars Boje Mortensen. Translated by Peter Fisher. Copenhagen: Museum Tusulanum Press, 2003.
- Historien om biskop Laurentius på Holar.* Omsett av Jørgen Højgaard Jørgensen. Odense: Odense Universitetsforlag, 1982.
- Hordaland fylke.* Redigert av Rolf Fladby og Harald Winge. 2. utg. Bd. XI, *Skattematrikkelen 1647.* Oslo: Norsk lokallhistorisk institutt, 1995.
- Håkon Håkonssons saga av Sturla Þórðarson.* Omsett av Anne Holtmark, *Aschehous bibliotek for levende litteratur.* Oslo: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard), 1964.
- Islandske Annaler indtil 1578.* Redigert av Gustav Storm. Christiania: Det norske historiske Kildeskritfond, 1888.
- Íslendingabók. Landnámabók.* Redigert av Jakob Benediktsson. Bd. I, *Íslenzka Fornrit.* Reykjavík: Hið íslenzka fornritafélag, 1986.
- Íslenzkar Ártiðaskrár eða Obituaría Islandica.* Redigert av Jón Þorkelsson. Kaupmannahöfn: Hinu Íslenzka Bókmenntafélagi, 1893–1896.
- Jonas Andersson frá Skånevik om fornminne i Bergen bispedømme 1626 AM 370 fol.* Faksimileutgåve ved Asgaut Steinnes. Oslo: Det Norske språk- og litteraturselskap, 1972.
- Jordebog for Hardanger ca. 1645.* Redigert av Olaf Olafsen. Bd. 3, *Hardanger Samlinger, Gamle Kildeskrifter til Behysning av Hardangers Kultur og Personalhistorie.* Norheimsund: Hardanger historielag, 1917.
- Jordebok for Bergen bispedømme ca. 1600 med jordebok for Hospitalet i Bergen ca. 1617–21.* Redigert av Ole-Jørgen Johannessen. Bd. III, *Norske kyrkjelege jordebøker etter reformasjonen.* Oslo: Riksarkivet, 2000.
- Jämtlands och Härjedalens diplomatarium.* Redigert av Karl-Erik Löfqvist, Robert Swedlund, Halvard Bjørkvik, Kjell Haarstad, Helga Öhberg og Olof Holm. 3 bd. Östersund: Jämtlands biblioteks diplomatariekommitté, 1943–1995.
- Kjær, Albert Julius. «Fortegnelse over Hartvig Krummediges norske Jordegods (Cod. AM. 880, 4to).» I *Sproglige og historiske Afhandlinger viede Sophus Bugges Minde*, 170–190. Kristiania: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard), 1908.
